

JOHAN TVEITE

LANDVIK

LANDVIK

I

GARD & ØREND

UTGITT AV

LANDVIK HISTORISKE

1965

<blank>

*JOHAN TVEITE*

# LANDVIK


I

GARD OG GREND

UTGITT AV  
LANDVIK HISTORIELAG  
1961

*Landvikkboka er prenta i 700  
eksemplar. Av desse er 310  
numerert.*

DETTE ER NR.



Sats, prent og innbinding  
EDGAR HØGFELDT A.S  
Kristiansand S.

COPYRIGHT: LANDVIK HISTORIELAG

Ein arbeidsdag fell inn  
med mangfald brus,  
der folk går kvar til sitt.  
Det glitrar av det gode  
der grødemarker mognar i sin fred.,  
I midten glamnar tun og annsamt hus,  
og skog og lier ventar like ved.  
Det tonar i frå mangment grend,  
men og frå einsleg bu  
og svarte myr og grenselyng  
— der tonen lyer låg og spend  
der det har kosta hardt å koma med.  
— Men alt kling med,  
og blir ein open ring, ein stor:  
ein arbeidsdag. Ein atter ny.

Tarjei Vesaas



<blank>

## Frå bokskrivaren

---

Frå Jonn A. Imenes som var formann i Landvik Soknelag — nå Landvik Historielag — fekk eg hausten 1951 ein førespurnad om eg kunne ta på meg å skrive ei bygdebok for Landvik. Han hadde før vore vegen om fleire andre som var nærare knytt til bygda. Eg hadde ikkje røynsle i slikt arbeid, men lova å sjå på det. Og så blei det til at eg kom til å stelle med dette. Resultatet vil de finne i dei to band av boka som nå er ferdig.

Eg kom ikkje til tomt bord. Det låg føre eit manuskript frå Arnt Stensvand. Og avskrift av Nils Iglands dagbøker og det han i si stortingsmannstid og elles hadde samla i arkiv og på andre måtar. Eg fann likevel at ein måtte gå gjennom alt kjeldestoffet systematisk, og derfor har det tatt lang tid. Det har bare vore kveldsarbeid og delvis feriearbeid for meg. God hjelp har eg hatt. Kand. filol. R. *Bjerke* har etter planlagd utval av Lokalhistorisk Institutt, gått gjennom materiale i Riksarkivet. Dessutan har han levert avskrift av Matr.kom. førearbeid for Landvik frå åra 1865—67. Magnhild *Tveite* har skreve av kyrkjebøkene frå omlag 1750 og fram til 1904. Bjørn *Tveite* har skreve av panteregistret på Statsarkivet og fru Martha *Eriksen*, Grimstad, har skreve av panteregistret for det siste hundreåret, fram til 1956. Sjøl har eg då skreve av dei eldste kyrkjebøkene og gått gjennom alle skifteprotokollar, tingbøker og dombøker m. v. fram til omkring 1850, forutan anna kjeldemateriale, prenta og uprenta.

Med det store kjeldetilfanget og dei titusental av namn og årstal måtte det som kunne kome med i boka bli samantrengt. Eg tykte at det var om å gjere å få med det viktigaste av årstal, namn og faktiske opplysingar.

Eg har tatt med det meste av ætteopplysingane i eit serskilt band. Det har bydd på visse problem som eg ikkje skal kome inn på her. Om resultatet får andre døme.

Januar 1961.

*Johan Tveite.*

## Kjelder

---

Det er i boka ikkje, utan i serlige tilfelle, gjeve opp kjelder. Her skal nemnast dei viktigaste kjeldene som er nytta.

*Lensrekneskapane.* Opplysingar og årstal først på 1600-talet byggjer mest på dei. Viktig er Odelsjordeboka 1624 som også har farsnamn med. Vidare oppgave over jordegods og skattelister frå 1640-åra og utover. Oppgave over åsittarar i 1645 er frå Kopskatten. Når 1657 er nemnt, gjeld det som tidast Kvegskatten.

*Matriklane.* Landkommisjonen 1661, Matr. 1668. Ved denne matrikuleringa blei skyldet i mange tilfelle revidert. Matr. 1723. Blei ikkje sett i kraft, men syner m. a. det den enkelte brukte. Har oppgave over husdyr og utsåd. Frå 1792 har me for Landvik eit «Siælemandtal» som er utarbeidd av lensmann Brøndum. Det er også ein slag matrikel og eit verdfullt arbeid. M. a. får ein her for første gong ei oppgave over det dei sette og avla av poteter, den første oppgave av det slaget i heile landet. Ein får og veta om det dei sådde på husmannsplassane. I 1838 fekk me den første prenta matrikkelen, nå med ny skyldeining, dalar, ort og skilling i staden for huder og skind.

*Manntal og folketeljingar.* Det første manntal er frå 1664. Eit nytt mt 1666 tek med også søner under 12 år. Manntal 1701 tek også med søner, likeins det hver åsittar brukar. Den første folketeljing er, som dei fleste vel kjenner til, frå 1801. Av seinare ft er avskrive den frå 1875.

*Skifteprotokollane* tek til 1692. Enkelte «lause» skiftebrev blei funne i Statsarkivet her medan arbeidet held på og dei er sjølvsagt nytta.

*Pantebøkene* har me frå sist på 1600-talet. Det er viktigaste kjelda når det gjeld overdraging av jordegods og oppdeling av gardane.

*Tingbøkene* har referat og utskrift av domar for dei mange saker som kom for «heradsretten».

*Ekstrarettssprotokollane* har åstadssaker og odelssaker, Domprotokollane er nytta for den tid dei finst.



*Stiftamtmannens arkiv.* Det som er registrert av pakkesaker er gjennomgått, *Bispearkivet* likeins. Frå *futeregnskapane* (Riksarkivet) er det mange opplysingar.

*Kyrkjebøkene* for Landvik er svært gode, men dei første sidene som gjeld siste tiåret på 1600-talet, er delvis defekte. Oppgave over fødde er det ikkje i tida 1710—20 og det er ingen kb i åra 1739—41.

Av prenta kjelder er m. a. teke med det som finst i *Diplomatarium Norvegicum* og i *Norske Herredagsdombøker*. For ættesoga har eg hatt nytte av N. Igland: *Iglandsætten*, og Terje Fillingtveit: *Rodalsætten*. Mange opplysingar har eg og fått frå oppskrifter av Kr. Stalleland, N. Igland og Arnt Stensvand. Her er kjeldene som regel nemnt under merknader.

## Ord og uttrykk

---

Dei fleste forkortingar vil vel lesarane skjøne utan vidare. Her skal nemnast enkelte ting til forklaring av forkortingar og ord og uttrykk.

a	anno (latin), år	gsk	geitskinn
al	alen	h	hud, huder
bnr	bruksnummer	kb	kyrkjebok
d	død	ksk	kalvskinn
d.s.å	død same år	matr	matrikkel
dsk	dødsskifte	mt	manttall
dl	dalar	rd	riksdalar
f	fødd	s	side
fv	famn, famner	sk	skifte, skilling
fj	fjerding	skj	skjeppe, skjøte
ft	folketelling	skmt	skattemanntal
gl	gamal	spd	spesiedalar
gm	gift med	s.å	same året
gnr	gardsnr.	tn	tønne, tønner

Tal som er sett i haker [ ] t. d. [1612]—1693 tyder at talet er rekna ut på grunnlag av aldersoppgave ved sk, ved død, eller mt eller ft. Enkelte også i vanlig parentes.

Heradsnamn: L Landvik, E Eide, Fj Fjære, Hf Herefoss, Fr Froland, B Birkenes, VM Vestre Moland.

*Huder og skinn.* Dette var eldgamal landskyldbetaling. Andre stader nytta dei smør som eining. Ei hud blei rekna likt med 36 mark smør. Huder og skinn blei oppteke i matr 1668. Ei hud var 12 ksk (kalvskinn) eller 4 gsk (geitskinn), slik at det gjekk 3 ksk på eit gsk. Eit bruk som skylde 4 huder eller meir, blei rekna som fullgard, 2—3½ h halvgard, og «ødegaard» under 2 huder. Huder og skinn blei avløyst av dalar - ort - skilling i matr 1838.

*Dalar.* Det har vore fleire dalarar gjennom tidene. Riksdalaren (rd) kom i bruk på 1600-talet. Var delt i 4 ort a 24 sk. Når det t. d. frå eit skifte står sitert: 1 sølvskje med knap for enden 2-1-12, så tyder det at skeia er verdsett til 2 dl, 1 ort, 12 sk. Riksbankdalaren (rbd) kom i inflasjonstida før 1814 og hadde halv verde av den gamle dalaren. Det er ikkje her plass til å greie nærare ut om dette. I 1816 fekk me Norges Bank. Me fekk spesiedalaren, og rbd blei

innløyst med 1/10 av sitt pålydande. Ein spd var delt i 5 mark a 24 sk, slik at ein dalar blei 120 sk. Kroner og øre blei innført i 1875. Ein dalar blei sett lik 4 kroner.

*Mål og vekt.* Dei fleste kjenner dei gamle nemningane. 1 fot — 12 tommer (31.37 cm), 1 alen — 2 fot, 1 famn — 6 fot. Ein fjerding var 9000 fot, d.v.s. fjerdeparten av ei mil, som var 36 000 fot eller 11.295 kilometer. Eit mål jord var 984.344 kv.meter (10 000 kv.fot).

*Rommål.* Ei tønne var 144 potter. Ei pott — 0.9651 liter. Det var 4 peler i ei pott. Ein notting var 6 potter, 1 skjeppe 18 potter, 1 fjerding 36 potter. 1 anker svara til 38.5 liter.

*Vekt.* 1 pund var 2 merker. 1 gl. mark var 215,8 gram. Ved overgangen til metersystemet blei 1 pund rekna for 498,112 gram, altså nærpå ½ kilo. Me kan nemne desse vektnamn: 1 skålpund: 2 merker, 1 bismerpund: 24 merker, 1 våg: 72 merker (3 bmp.), 1 skippund var 320 pund, i 1 skp gjekk det 20 lispund. Når me i dag talar om eit skippund høy reknar me 160 kilo. 1 lodd var 1/32 av eit pund. Mykje brukt som vekt for sølv (15.6 gram).

*Lest* var rom- og vektmål for skip og t.d. for trekøl. 1 lest var 12 tønner korn eller 16 tn kol. Som lasteevne: 2.08 reg. tonn. 1 registertonn er 100 kubikkfot eller 2.83 m<sup>3</sup>.

Det metriske system blei innført i 1875, obligatorisk frå 1882.

## Om å finne fram i boka

Gardane kjem i same rekke som i matrikkelen. Derfor kjem Tjore først og Ronden sist, etter at me har fare over bygda, først Tjore og Mollandsbygda, vidare over Morholt til Hommedal og Landvik (gnr 18), så Havstad og Dolholt og deretter Inntjore krets. Derifrå fer me over til Redal med sine mange gardar og bruk. Og så tek me opp til Beisland og derfrå vidare austover gjennom «Øvrebygda», om Haaland og Borkedal, til Toskardal. Og så gardane nedetter til Skiftenes, Imenes og Ronden. Det er i alt 79 gardsnr.

Alfabetisk liste over gardane med vising til sidetal er det bak i boka.

<blank>

---

## TJORE

Gnr 1

Tjore er den største garden i Landvik, med ei skyld av gamalt på 14½ hud. Her var tri fullgardar: Øvre Tjore 6 huder, Midt Tjore 4½ og Nedre Tjore 4 huder. Til samanlikning kan ein nemne at ved matr av 1668 hadde gardane i Landvik ei samla skyld på 152¼ h.

Namnet tyder på at det er ein eldgamal gard. Og det er naturleg. Her er djup jord og vide sletter. Laglig låg han til for landnåmsmannen, ikkje langt frå sjø og farleid. Her var greie grenser, mot sjøen, mot Straumsåna og Landvikvatnet. I sør gjekk bytet frå Koksnes ved Landvikvatnet til Naholmkilen. Bytet her blei sett i 1583. Det veit me av ei markegangssak frå 1729 mellom Tjore og Naholmen.

Det var Maren Friis, enke etter Nils Samuelsen Nørholmen, som stemna Tjore-bøndene. Då blei dokumentet frå 1583 lagt fram. Maren meinte bytet gjekk frå Tridelssteinen til Selskjeret i Naholmkilen. Tjore-folka nekta dette. Og det blei markegangssak. Skrivaren sette retten ved «Treydelssteinen» 29. juni, med 8 lagrettemenn frå Eide. Dei førte vitne på begge sider og gjekk opp dei byteliner begge partar meinte var dei rette. Neste dag heldt dei fram, men då dei kom til Naholmen, blei dei samde om at bytet skulle gå slik: Frå Koksnesodden til steinen i Sandåsen, derfrå til røysa øvst på Røysåsen, derfrå utover til ein ny stein «som ble sadt øverst i Svaaene». Den skulle vere endestav for Naholmen og landstav «i Tjoremendenes langstrækning fra Sandåsen over Røysaasen» (med ein liten

krok). Derfrå til ein ny stein i «Klaamra», derfrå til ein stein ved Vettefjellmyrhaven, langs hagen og i stein i Lokefjellet, og så langs stranda til Selskjeret.

Nils Igland skriv om Tjore: Det er den mest fruktbare gård i Landvik. På den begynte vi også da vi i 1864 skulle revidere matrikkelen. På Tjore satte vi nesten al jord i 1. grad for å få det rette forhold angitt mellom denne og de andre gårder i sognet.

Tjore — unnateke Nedre Tjore — har vore i bondeieige så langt me kan finne tilbake. Den første me har skriftlige vitnemål om, er Amund Tiore som i 1578 blei stemna for Herredagen av Erik Munk. Amund var saka for «aa ha levet sammen med sin quinde ugift, for nært skyldskab og for hekseri». Han dreiv med å saka folk for slikt Erik Munk. Men Amund blei frikjend. Hvem denne Amund var, veit me ikkje sikkert. Det kan ha vore Ommund Nævesdal som hadde 3 h i Øvre Tjore. Eller det kan vere den Anond Tjore som var lagrettemann i 1591. Etterkomarar etter desse to finn me sidan på Tjore. Sonesonen til Omund Nævesdal, Gjerul Gjerulsen, kjem til Øvre Tjore.<sup>1</sup> Han er nemnt siste gong i 1630 og er trulig død på denne tida. Enka har då, kan me finne ut, gift seg med Aanon Nilsen, soneson til Aanon som er nemnt i 1591. Det ser me av

eit vitnemål 1734 der me får vite at Omund Gjerulsen og Erik Aanonsen Tjore var halv-søsken. Aanon levde i 1664. Eldste son hans heitte Gjerul og han var f ca. 1633, så det er tydelig at det er første mannen som er oppkalla. På den måten får me Gjerul-namnet i begge ættene. Og då Nils-namnet au kjem inn i begge ætter, er det lett å gå seg vill når me skal greie ut ætterekken. Me har såleis først på 1700-talet to som heiter Nils Gjerulsen på Tjore: Nils Gjerulsen av Tjore-ætta [1659]—1730 og Nils Gjerulsen av Nævesdals-ætta 1699—1769. Det var den siste som var lensmann frå 1727. Med han dør elles Landvikgreina av Nævesdals-ætta ut på mannsida. Ein tridje Nils Gjerulsen lever 1739—95. Han var son til Gjerul Aanonsen Midt-Tjore, 1704—48, og han var son til Aanon Gjerulsen. Samtidig er det ein annan Gjerulf Aanonsen (1724—60). Han var son til Aanon Eriksen. Dei var begge av den gamle Tjore-ætta.

Bror til Aanon Nilsen på Øvre Tjore var Tellef Nilsen, eller Tellei som dei sa. Han kom til Nedre Tjore. Sønene til Aanon Nilsen på Øvre Tjore var Gjerul og Erik. Den siste kom til Nedre Tjore. Kongen åtte 1 hud i Nedre Tjore. I 1646 er denne parten kalla Bjørnsdal eller Bjørnsdell. Borgermesteren i Skien åtte 3 h der i 1651, men sidan gjekk Nedre Tjore au over til Tjore-ætta som me sidan skal sjå.

Dei fleste bruk på Tjore som dei av den gamle ætta hadde, er etter hvert gått over til andre ætter. Den einaste me kan fylgje tilbake i bein mannsline, er Gustav Gundersen på Nedre Tjore.

Det kom etter hvert nye folk til garden: «Auglands-ætta» frå Lunden (Liane-greina), Kylland-ætta frå Herefoss og fleire andre. Elles var det, serlig i eldre tid, giftermål mellom dei på Tjore og kjende slekter i andre bygder, eller med dei gjævaste i bygda.

#### TJORE PÅ 1600-talet

Tjore må tidlig ha blitt delt opp i fleire gardar eller bruk. I lensrekneskapen frå 1610 møter me Niels Øffre Thiure, Elluf Midthiure og Age Neste Thiure som krone og leiglingsbønder, d.v.s. dei åtte ikkje så mykje som 4 huder. Christen Midthiure er nemnt som husmann 1610 og 18. Rasmus Midtjore som dreng for full løn i 1617, men som husmann 1618—22. Som husmann i 1617 er nemnt Jakob Røed.

Kristen Tjore var ute i Kalmarkrigen i 1613, men rymte heim og måtte bøte 32 rd. Han hadde nok vore ute i bardage der med ein annan kar frå Landvik. Tolleiv Nærebø får på same tid 8 rd i bot «for hand hug haanden udaff Christen Thiure, som scheede udi leien». Kristen hadde elles sjøl vore ute med kniven. Under sakefall 1601—02 finn me: «Christen Thollufsen for Aage Tiures dreng han stack med en kniff — 1 dlr.»

Det er elles fleire saker frå Tjore det året. Eilef Tjore får 2 dl i bot for at han ikkje hadde halde forlik og dom, og Anders Tjore får same bota for at han ikkje ville rette seg etter ein lagmannsdom. Og same året: Omundt Nils Thiures dreng, en liden compann, for et quindfolk hand havde beligget — 2 dl.

Sakefall 1608—09: Nils Annondtøn, Elluf Thiure, Erich Østerhus, Olluff Østerhus, Thore Lien, Tharald Backe og Moens Lienn for de var tilsagt at de skulle tage zegel og ror fra tvende Hollender schipper, som emod forbud hafde indtaget egetømmer og det ikke angifuuet den tid de fortollede, hver dennom 2 dlr.

Me ser såleis at dei hadde litt av hvert å stri med: Skattar og domar, dei treiv til kniven og var ute for hogg. Men desse korte og dramatiske rettsutskrifter fortel noe meir. Når Nils hadde dreng i 1601 så må han ha drive garden alt då. Og med odelsjordeboka 1624 stig namnet Nils Annonson fram, og me kan ta til å leite etter ættesamheng og eigarrekkje på garden. For Nils åtte «med sine femb søsken» 3 huder odelsgoods i Øvre Tjore og 2

huder i Østerhus. Dessutan til pant 1 h i Lindtveit og 1 h i Arnevig i Eide.<sup>2</sup> Samstundes ser me at Eilef heiter Eilef Annonsen og er trulig broren. Han eig 2½ h i Midt-Tjore. Me finn namnet fram til 1637, men ikkje sidan, heller ikkje etterkomarar. Kristen — han som fekk neven hogd av — åtte au 1 hud i Midt-Tjore i 1624. Siste gong me finn namnet hans er 1626. På Midt-Tjore kjem Hamrefolket frå Tveit inn, trulig i slutten av 30-åra.

Aage på Nedre Tjore er nemnt 1610—37. Sidan kjem der nye folk. Dei var nok leigendingar dei som sat der før dei frå Øvre Tjore overtok.

Først med kopskatten 1645 får me eit samla oversyn over brukarane på garden. På *Øvre Tjore* har me då: Nils og hans quinde, hans søn Tholluf, døtre Ingeborg og Todne. Vidare er det Aanond og en pige Elin. Nils åtte 1634—44 tri huder, dvs. halve garden, og Aanon Nielsen 2½ h 2 ksk «paa sin quindes og stiffbørns vegne». Som nemnt måtte «quinden» vere enka etter Gjerul Gjerulsen. Tholluf må vere den same som Tellef Nilsen som fekk seg jord i Nedre Tjore og bror til Aanon Nilsen.

På *Midt-Tjore* sit Annsten og hans quinde, en dreng, to piger Sophie og Targier. Anstein var av Hamre-folket i Tveit. I 1643 åtte han 4 ksk i Ø. Tjore. Me kan då gjette på at han var gm ei søster av Gjerul Gjerulsen på Ø. Tjore. Han åtte og ei hud i Bjelland «på hans quindes og søsters veigne». I 1644—45 er han eigar av 1½ h 2 ksk i Midt-Tjore. Han var einaste brukar på Midt-Tjore då.

På *Nedre Tjore* må det derimot ha vore tri brukarar, for der finn me i 1645: Proess og hans quinde, to drenge, en pige Gunnild. Vidare: Steffuen og hans quinde, Joen og hans quinde. Her er det første gong me møter Prossnamnet mellom bondefolket i Landvik. Dei hadde vel teke opp namnet etter lagmann Pros

Lauritzen som åtte Naholmen ei tid. Jon var trulig av Dolholt-ætta. Han og sonen Anders leiger sidan på Midt-Tjore, såleis i 1657 «af Ansten og Gulo Hammer og Laurits Rønaases arvinger» hver 2 h 1 gsk.

På Midt-Tjore brann heile garden ei desembernatt i 1655. Om dette er det tingsvitne på «Firde lagtingstue» 18. sept 1656: Kom i rette Ansten Nerre Tiorres fuldmægtig Annon Joensøn Dolholt og bad om skattefrihed. Ilden kom om natten, efterat folkene var gaat til sengs. Hele gaarden med stuehus med husgeraad samt alle lader og andre hus med korn, høi og andet fôr brente op. Folket paa gaarden kom derfra med stor nød.

Det er sikkert eit mistak når det står Nedre Tjore. Det var Midt-Tjore Anstein åtte, og på baksida av dokumentet står det au Midt-Tjore. Anstein står oppført på Tjore til 1655. Han er trulig flytta frå då garden brann. På denne tid er Nedre Tjore, i alle fall delvis, selt av dei utanbygds eigarane. Krona åtte som nemnt 1 hud i Nedre Tjore — Bjørnsdal. Aanen Nilsen leigde i 1653. Den siste framande eigar av resten av garden, 3 h, var borgermester i Skien Joen Thomassen. Telleiv Nilsen er fl. til Nedre Tjore i 1657. Det ser me av kvegskatten. Året etter står han som eigar av 1½ hud i garden. I 1657 står Jon oppført som brukar på Nedre Tjore saman med Telleiv og på Midt-Tjore Svend og Aamund. Det samstaver som me ser ikkje med landskatten same året, men forklaringa er vel at det nettopp det året er brukarskifte. Aamund er trulig den same som Aamund (Omund) Gjerulsen. Han står oppført som sjøleigar på Ø. Tjore det året for 3 huder og har såleis overtatt farsgarden nettopp då. Svend Nilsen åtte i 1661: 1½ h i Øvre Tjore, ½ h i Nedre og ½ h i Lien. Han er trulig bror til Aanon og Tellef Nilssøner, men han er ikkje på Tjore i 1664 eller seinare.

På *Øvre Tjore* er i 1664: Aanon Nilsen 62 år, sonen Gjerul Aanonsen 31 år og Omund Gjerulsen 40 år. Av heimeverande søner er

Erik Aanonsen 28 år. Han kom sidan til Nedre Tjore som tidlegare nemnt. Faren, Aanon Nilsen, åtte 1½ h der i 1668. Husmann på Øvre Tjore er Peder Hansøn 60 år.

På *Midt-Tjore* er det leigefolk. Det er Anders Jonsen 40 år. Han kjem sidan til Grefstad i Fjære. Og så Tomas Prossøn 28 år. Tenar: Hans Jonsen 14 år.

På *Nedre Tjore*: Tellev Nilsen 51 år. Tenar: Matz Assersøn 24 år, knekt.

Av matr 1668 ser me at Omund på Øvre Tjore brukar 3 huder, men er eigar av 2 h. Johan Mjaavatn (broren) eig 1 hud. Aanon (Nilsen) og sonen Gjerul brukar hver 1½ h. Aanon eig 1 h 5¼ ksk. Gjerul sit med 5¾ ksk, og Halvor Ves arvinger i Tveit med det doble, 11½ ksk. Mads Grebstad har ½ gsk.

På *Midt-Tjore* er Anders og Tommes brukarar, på *Nedre Tjore* eig som nemnt Aanon Nilsen 1½ h og brukar 1, Tellef Nilsen eig 2 h og brukar 1½. Brukar av resten, ½ h, er Jon Dolholt. Me ser at brørne Telleiv og Aanon eig 3½ h i garden. Resten, ½ h, eig Nils Rugslands arvingar (B). Aanon og Telleiv eig og Bjorøya ¼ h og Skoddet ¼ h saman med dei på Molland og Østerhus. Alle tri gardane eig Tjorestrand ¼ h. Aanon og Telleiv eig og Liensekre ¼ h saman med Dorthie Molland.

Går me fram til 1674, er det ikkje større skifte. Erik Aanonsen har nå tatt over på *Nedre Tjore* og eig der 1 h 5 ksk. På *Øvre Tjore* er Aanon død, då me ser at «Anne Tjore med sine børn» eig 2 huder, og Johan Mjaavatn 1 hud som i 1668.

I åra fram til hundreårsskiftet er det få opplysingar me har om garden. Dei gamle skattemanntal er borte. Og skifte- og pantebøker kjem ikkje før i 1690-åra, men av odelsskattemanntalet 1681 kan me indirekte slutte at det ikkje er stort av garden som er på framande hender. Det einaste me finn er at Laurits Ormestad — ein av Hamre-arvingane — eig 1½

gsk i *Midt-Tjore*. Ny eigar må såleis ha flytta til der då. Det er nok Jon Anstensen (Hamre), f ca. 1650. Han møter me som lensmann ved dei første skifte me har i skifteprotokollane etter 1690. I 1681 blir Jon Midttjore «som sig udi sit ægteskab med horeri efter egen bekjendelse har forset», frådømt sitt lausøyre, som kongen tar. Det må vere den same Jon som seinare blei lensmann. Han budde på *Midt-Tjore* og må ha flytt til før 1681.


I 1683 betalar Gjerul Aanonsen skatt som gjestgjevar. Han har kone og to born. Same året sel Erik Aanonsen den jorda som kona hans skal ha i Gauslå.<sup>3</sup> Han kjøper det året 1 gsk i *Tjore* av Laurits Christensen Kjærestrom (B) for 25 rd. I 1690 dør Gjerul Aanonsen 58 år gl og broren Erik i 1694 — 61 år. Gjerul Omundsen vigjer i 1696 med Anne Nilsdtr Inntjore og Nils Teleysen (så står det i k.boka) i 1699 med Johanne Nilsdtr Inntjore. Me ser såleis at på slutten av hundreåret er det ein ny generasjon som overtar på dei fleste bruka på garden. Nå får me au fleire skriftlige kjelder som fortel om garden og dei som budde der. Dei av *Tjore*-ætta sit framleis med halve *Øvre Tjore*, dei har halve *Midt-Tjore* og dei sit med heile *Nedre Tjore*. På den andre halvparten av *Midt-Tjore* er det eigarar av *Hamre*-ætta, som me har set, medan *Nævedsals*-ætta har tri huder i *Øvre Tjore*.

#### NÆRINGSGRUNNLAG OG LEVEMÅTE PÅ 1700-TALET

Også fram gjennom 1700-talet er det jordbruket som gir næringsgrunnlaget på garden. Me ser nok at ein mann som Nils Gjeruldsen slår seg på skipsfart, men han er aleine om det. Først på 1800-talet er det fleire som er sjømenn og skipparar.

Noe stor skogvidde er det ikkje til *Tjore*. I 1661 heiter det om *Øvre Tjore*: Ring skaug





*Tjore fotografert 1961 av A.s Sørfly, som også har levert dei andre flyfoto i denne boka.*

til brendefang; men ut på 1700-talet bygger dei sag ved Dammen. Saga er der i 1769. Då «har Ole Osmundsen, Aanon. Aanonsen og enken Astri Johnsdatter til Hans Borthig overdraget den saugindretning med videre som de ved Dammen ved Strandfjorden paa d. gaards grund har ladet indrette». Same året ser me at Aanon Aanonsen «har erhvervet kgl. bevilning til 1000 bords aarlig skiørsel paa en saug u.d.g.» Me må då gå ut frå at saga blei driven i åra utetter. I 1798 sel Hans Borthig til Th. Fasting «Tjore saug med  $\frac{1}{6}$  av kvernen for 295 rd.» Kverna hadde dei hatt i alle fall frå 1621, og trulig mykje tidlegare. Dei dreiv nok ei heller stor kvern der ved Dammen. Alle Tjore-gardane åtte part i denne kverna. I 1799 har dei eigen møllemester.

Etter oppgave i matr 1723 er den samla utsåden på Tjore 28 tn. Nå er dette ei skatteoppgave, men garden må ha vore rekna som ein god korngard. I 1792 er utsåden av bygg  $27\frac{1}{4}$  tn og avlinga 184 tn. Dei sår nå au litt rug,  $\frac{5}{8}$  tn med ei avling på 5 tn. Det var til «finmat» til høgtid og gjestebod. Poteter er au kome til i 1792, men det er 4 av 10 bruk som ennå ikkje er kome i gang med potetdyrking, og dei andre set ikkje meir enn  $\frac{1}{4}$ — $\frac{3}{4}$  tn. Utsåd i alt  $2\frac{1}{2}$  tn, avling 22 tn. Med eit folketal på omkring 50, skulle dei på garden vere godt berga i matvegen, i alle fall når ikkje kornavlinga slo feil.

Hossen dei budde har me ikkje så mange vitnemål om. Men det var visstnok først på 1700-talet at dei tok kakelomnar i bruk. Det

første me finn om dette er ved eit sk e. Gjerul Aanonsen i 1726. Der er nemnt «1 ny kakelofn som for 2de aar siden er opsat paa Maaland.» (Gjerul åtte 3 huder der.) Vidare: «Ligeledes nylig opsat en jernkakelofn paa Øfre Tiore af værdi 10 rd.» Gjerul som sat med så mykje eigedom og hadde lausøyre for 319 rd, var nok ein av dei første som kosta seg kakelomn kan me gå ut frå. Av «møbler» var det «slaugbord» og benker som vanleg på gardane i den tid, men dei hadde mykje sølv, to store kobberkjeler, den eine til 10 rd og verd like mykje som den eine hesten. Dei hadde tinnfat og tinntallerkar og litt steintøy og glas, m. a. «1 rødt og hvitt Hamburger krus med tinlaag». I fjøset var det 8 kyr, 3 ungstuter, 2 kvier og 4 kalvar. Og så hadde han på Molland 7 kyr, 5 kvier, 1 hest og 3 kalvar. Det er verd å legge merke til at sauer og geiter fanst det ikkje.

Me kan ikkje gå nærare inn på det me finn i andre skifte i tida framover, men la oss sjå innom på det andre bruket på Øvre Tjore vel femti år seinare. Det er 1780 sk etter Kjetil Beintsen (Gauslaa). Her er det serskilt mykje sølv, m. a. ei sølv «thekande» til 10 rd. I stova er det 1 gl. kakelomn som veg  $1\frac{1}{2}$  skp., verdsett til 9 rd, og i kammerset ein ny omn for 10 rd. Av innbu kan nemnast: I stova 1 eikeslagbord, «1 eegebordskive med furrefod og en krak», men vidare har dei nå au m. a. 3 gl læderstoler, 1 ny ditto, 1 gl «skrydestol», kva no det kan vera for slags stol. Der er au «1 stort laqveret skab med tvende dører og laaser», og endelig: 1 firstolpet sengested. I kammerset: «1 firstolpet furrebord med skuf og krak, 1 gl bågstebord, 1 krogskab, 1 dito, 1 lidet hengeskab.» På loftet: «1 trekkiste av eg, 2 store klædeskister, 1 lidet rundt thebord mahlet med egefarve, 2 gamle læderstoler.» Dette med «egemaling» kjenner me til frå nyare tid, men dei var altså alt den gongen i gang med slike imitasjonar.

Det er ikkje større med bøker me finn i skifta, og helst er det bøker med religiøst innhald, men Kjetil Beintsen hadde au fleire «verdslige» bøker, m. a. «1 gl norsk lovbog».

På garden var det hest, 5 kyr, 3 kvier, 1 stutkalv, 1 sugge, 3 små griser, 1 ver og 1 geit. Av køyregreier er m. a. nemnt 1 karmslede med 1 gl bjørnefell.

## BRUKSDELING OG GARDSKIFTE PÅ 1700- OG 1800-TALET

På 1600-talet har det ikkje vore noen bruksdeling så vidt me kan sjå. Gardsstrukturen har vore at hver av dei tri «gardane» på Tjore er delt i to. Slik er det au først på 1700-talet. I 1706 brukar soleis Nils Gjerulsen (Tjore-ætta) 3 h i Ø. Tjore og er eigar av 2 h  $4\frac{1}{2}$  ksk. Gjerul Aanonsen brukar resten, 3 h, og er eigar av 2 h 4 ksk. Dei betalar hver vel 10 rd i skatt. På Midt-Tjore sit lensmann Jon Anstensen<sup>4</sup> med halve garden,  $2\frac{1}{4}$  h, og er eigar av 1 h  $8\frac{1}{2}$  ksk. Aanon Gjerulsen, son til Gjerul på Ø. Tjore, brukar au  $2\frac{1}{4}$  h som han er eigar av. Som lensmannsgard er 4 h fri for «soldater mundpenge». Dei to brukarane betalar vel 6 dalar i skatt hver. På Nedre Tjore — 4 huder — brukar Nils Tellefsen 2 h 3 ksk og er eigar av 1 h. Resten, 1 h 9 ksk, brukar Anne Beintsdtr, enka etter Erik Aanonsen, saman med sonen Aanon. Eigar av 1 h  $1\frac{1}{3}$  ksk. Skatt 6 rd.

I 1711 (skoskatten) er det på Øvre Tjore i alt 12 personar, på Midt-Tjore 10 og det same på Nedre Tjore, i alt 32. Går me så fram til slutten av hundreåret — 1792 — er folketalet auka til 52. På Øvre Tjore er då ikkje mindre enn 8 huslyder med i alt 29 personar, men på Midt-Tjore og Nedre Tjore er det omlag som først på hundreåret.

Det nye hundreåret fører med seg mange skifte på garden. Med den gamle Tjore-ætta minkar det etter hvert. Nils Gjerulsen vigjer i 1713 med Signe Jonsdotter Dolholt. Dei får bare ein son, Gjerul. Han vigjer med Gjertrud Knudsdtr Aabel av den rike Aabel-ætta i Birkenes. Men borna deira dør små. Gjerul var lensmann frå 1739 til sin død i 1751. Gjertrud gifter seg då med rikingen Kristen Kjøbmand på Landvik. Gjerul blei lensmann etter sin slektning Nils Gjerulsen (Nævedals-ætta), men Nils Gjerulsen slutta som lensmann og slo seg

på «søefart» og var ved likninga i 1743 rikaste mannen i Landvik. I 1750 kjøper Nils ei skute, «De tre Brødre», for 2800 rd. Skuta var på 60 lester, så han var ikkje noen vanlig jakteskipper. Han var gm Lisbeth Arntsdtr von Campen frå Landvikgarden. Dei hadde ikkje born. Og då Nils går bort i 1769 er det slutt med Nævesdals-ætta på Tjore. Lisbeth Arntsdtr sel i 1770 til Kjetil Beintsen Gauslaa 3 h i Ø. Tjore for 1491 rd. Kjetil hadde odel til garden. Farmor hans var Barbro Omundsdtr Tjore.<sup>5</sup> Han dør der i 1780, 69 år gl. Både gard og innbu går då til auksjon. Etter fleire auksjonar blir garden delt og 1½ h med hus blir selt for 653 rd, og 1½ h utan hus for 492 rd. Enka, Anne Gunsteinsdtr, kjøpte halve garden, men sel året etter til Christen Pedersen Tingsager for 715 rd. Enka hans sel så i 1788 til Ole Tellefsen Flaa<sup>6</sup> for 800 rd. Flaa-ætta blir sittande på garden til sonesonen Jon Olsen må gå frå i 1837 då det han hadde, 9 ksk, blir selt på auksjon.

Son til Kjetil Gauslaa, Halvor Kjetilsen, hadde bygt nye hus på Tjore. Han sel husa i 1781 til Ellef Nilsen Inntjore<sup>7</sup> for 113 rd. Same året kjøper Ellef halve garden, 1½ h, som var blitt delt ved auksjonen året før og då blei kjøpt av ein Laurits Løkke. Halvor, som var 20 år ved sk i 1780, flytta til Gauslaa. Noen få år seinare blir han kjent som ein av hovedmennene i Lofthusreisinga.

Ellef Nilsen sit med bruket i Øvre Tjore til 1788. Då makeskifter han med John Olsen (av Hamre-ætta) 1½ h i Øvre Tjore mot 2 h 1½ ksk i Midt-Tjore. John Olsen sel same året frå 1½ ksk til Ole Jensen for 168 rd. I 1793 sel Ole Jensen til Nils Knudsen for 199 rd. Nils sel i 1797 til John Andersen for 280 rd, og John sel i 1803 til Tellef Olsen (Krossvoll) for 380 rd. John Olsen dør alt året etter makeskiftet. Enka Susanne Aslaksdtr sel så 1790 halve bruket, 9 ksk, til Lars

Terkelsen Havstad for 305 rd, men kjøper det att året etter. I 1802 sel ho så ½ h til grannen Ole Olsen (Flaa) for 395 rd. I 1804 makeskifter ho så resten, 1 hud, med Ole Tellefsen mot 7½ ksk i Midt-Tjore og 400 rd i reie pengar. Flaa-folket får soleis nå heile det gamle bruket som Lisbet Arntsdtr selde. Men dei blir ikkje sittande med jorda. Dei sel, og dei kjøper att og sel på ny. Ole Olsen sel i 1807 ei hud til Even Pedersen Grøse for 1400 rd. Ole Olsen d.y., som seinare kom til Aagre, kjøper det att i 1812 for 2800 rd. Ole hadde i 1809 seld 6 ksk til enka Susanne Rebecca Aslaksdtr, men kjøpte det att same året. Ole Olsen d.e. sel i 1812 6 ksk «i d.g. kaldet Røe» til prokurator Nils Nilser i Kristiansand for 3000 rd. Han sel så same året til Knud Madsen Have for 500 rbd. Knud sel i 1816 til Ole Andersen Jortveit for 2400 rbd, men Ole Olsen d.y. kjøper så for 300 spd i 1820. Same året kjøper han 9 ksk av faren for 400 spd og sit nå med 2 h 3 ksk. I 1827 gir Ole d.e. seg i follaug til John, som då får 9 ksk i garden. Ole sel til Gjeruld Aanensen (Aagre) i 1828 og flytter til Aagre. John må som nemnt gå frå garden i 1837. Aanen Gjerulsen sit med garden bare eit par år. Han sel til svigeronen Ole Jakobsen (son til Jakob Degn) i 1831 (Tjore Vestre lnr 3 b).

#### TJORE ØSTRE OG VESTRE

Det er ikkje heilt klart når dei tok til å skille mellom Tjore østre og vestre. Det er det gamle Øvre Tjore. Den nye nemninga er gjennomført i matr 1838. Tjore vestre er det gamle «Nævesdalsbruket», Tjore østre var åsattet for den gamle Tjore-ætta. Me såg at Ole Jakobsen i 1831 overtok det meste av vestre Tjore, 2 h 3 ksk. Resten, 9 ksk, slo Ellef Nilsen (Inntjore) til seg ved auksjon etter John Andersen i 1837 for 972 spd. Han hadde i

1805 kjøpt 1½ h i Østre Tjore. I 1849 skj han dei 9 ksk i Vestre Tjore til Anders Andersen, som var gm dotter hans, Gunhild Ellefsdtr. I 1862 blir denne gardparten, 9 ksk, slått saman med 6 ksk i Østre Tjore. Denne parten i Østre Tjore blei fråskild det bruket som Ellef Nilsen sat med der. Anders Andersen fekk dei 6 ksk, medan hovedbruket gjekk til svogeren Lars Kristensen Udjus, som me sidan skal sjå. Lars var au gm ei dotter av Ellef Nilsen Inntjore. Bruket som Anders fekk ved samanslåinga er sidan i matr kalla vestre og østre Tjore (bnr 4). Frå dette nye bruket har det vore ei rekke fråsal. Det var, som me har set, på 15 ksk, men i 1880 blei tridjeparten fråseld til Sevrin Terkelsen,<sup>8</sup> i 1884 ein parsel til Tobias Salvesen Hegdekjær, i 1896 Fjøsollen, skyldsett for 56 øre, til Nils Johan Johannesen. Anton Andersen sat då att med ei skyld på mk 3.33. Han overtok dette bruket i 1897 for 6400 kroner. I 1902 selde han så Fidjeteigægrane til Laurits Udjus<sup>9</sup> for 850 kroner, skyld 83 øre. Restskyld 2.50. Anton sel i 1920 til Edvard Terkelsen for 6000 kr. Frå 1928 er Nils Terkelsen eigar.

*Bjørkegra*, bnr 5 og 18 nå, er tri fjerdeparter av det gamle Nævesdalsgodset. Me såg at Aanen Gjeruldsen kjøpte dette og overlot det til svigerpersonen Ole Jakobsen<sup>10</sup> i 1831. I matrikkelen er det einaste bruket under Tjore vestre. I 1865 overtok sønene til Ole garden. Dei delte i 1889. Kristen fekk bnr 5 av skyld mk 5.81, og Jakob bnr 18, med same skyld. Etter at Kristen var død, gjekk bruket over til Jakob og kona. I 1931 får Anton Jakobsen skj. på begge eigedomane for 23 280 kr. *Bjørkegra* har 70 mål dyrka mark og 500 mål skog. Frå eigedomen er utskild part i Skotteviga og i 1938 «Flødevik» av sk. 12 øre. Eigedomen har nå ei skyld på mk 11.62.

*Tjore Østre*. Me skal nå sjå litt på det andre gamle bruket i Øvre Tjore, det som i matr

1838 blir kalla Østre Tjore. Det er som nemnt åsættet for den gamle Tjore-ætta. Gjerul Aanonsen, sonesonson til den første Aanon, d i 1690. Enka Gundvor Arnesdotter sat då med garden trulig til 1705. Ho var dotter til lensmann Arne Børgesen Hafstad,<sup>5</sup> og søster hennar sat som kjering på det andre bruket på Øvre Tjore. Sonen Nils Gjerulsen hadde 2 h 7½ ksk i garden ved sk 1731. Garden går så til Gjerul Nilsen, som blei lensmann som morfaren. Etter at Gjerul var død, sat enka Gjertru Knudsdtr med garden. Ho selde ved auksjon i 1756 til Ole Thoresen Havstad og Arnold Hansen Støle for 1300 rd. Dei selde i 1759 til Siri Knudsdtr. Ho var enke etter Gjerul Aanensen på Midt-Tjore, men far til Gjerul, Aanen Gjerulsen, var komen frå Øvre Tjore. Siri sat med heile bruket, 3 h, i 1766, men delte trulig det året med sønene Knut og Nils. Dei sat sidan med hver sin halvpart av garden. Knut hadde bare ei dotter, Siri. Ho vigde med Aanon Nilsen Dolholt og dei fekk så garden, trulig i 1793. Hovedbølet her er nå bnr 1. Nils Aanonsen sat med bruket frå 1828. Han selde frå 1½ ksk i 1837 til Knud Nilsen og 1 ksk i 1842 til Gjert Gunnufsen (det seinare bnr 2). I 1873 er Nils Aanonsen død, og broren Gjerul sel då garden til Kristian Theodor Kristensen Udjus for 3000 spd, og garden går då ut av ætta.

Nils Gjerulsen sat med det andre halve bruket til 1795, då sonen Gjerul overtok. Gjerul Nilsen var sjømann og skipper. Han selde garden i 1805 for 1950 rd og flytta ut til Holvika. Det var Torborg Ellefsdtr, enke etter Tellef Jakobsen Store Hardeberg, som kjøpte garden, men ho sel eit halvt år etter til Aanon Larsen Lunden. Han sat med garden til 1807 då han sel til Ellef Nilsen Inntjore for 2000 rd. Garden går så til sonen Nils Ellefsen i 1849 for 1200 spd. I 1861 blir garden delt. Lars Kristensen Udjus<sup>9</sup> som var gm søster til Nils, overtar hovedbruket, 1 hud. Svogeren Anders An-

dersen får 6 ksk, som blir slått saman med ein part av Vestre Tjore som tidlegare nemnt. Hovedbølet er gnr 3 nå. Laurits Udjus står oppført som eigar i 1905. Lars Udjus overtar garden i 1946 for 20 000 kroner. Til garden som har 40 mål dyrka mark og 250 mål skog, høyrer bnr 21 i Fidjeteigægrene, som gjekk ut frå bnr 4 i 1901. Bnr 3 har skyld mk 6.69.

Eigar av bnr 1 er Kaare Bjørlykke, som overtok i 1937 for 15 000 kr. Garden har 45 mål dyrka og 180 mål produktiv skog. Det er fleire gamle steingraver på garden. Husa er bygd i 1873.

På Øvre Tjore (Østre og Vestre Tjore) kan me sette opp denne

### EIGAR- OG BRUKARREKKE GJENOM

#### 350 ÅR

##### Tjore Østre 3 huder.

Før 1600: Aanon på Tjore.  
 Ca. 1600—1650: Nils Aanonsen.  
 Ca. 1650—1670: Aanon Nilsen.  
 Ca. 1670—1690: Gjerul Aanonsen.  
 1690—1705: Gunvor Arnesdtr, enke e. Gjerul.  
 1705—1730: Nils Gjerulsen.  
 1730—1751: Gjerul Nilsen.  
 1751—1756: Gjertrud Knudsdtr, enke e. Gjerul.  
 1756—1759: Ole Thorsen Havstad og Arnold Hansen Støle.  
 1759—1766: Siri Knudsdtr, enke e. Gjerul Aanonsen. Garden delt mellom sønene Knut og Nils.

##### Bnr 1

hadde gl. lnr 1 a og var på 1½ hud.  
 1766—1793: Knut Gjerulsen.  
 1793—1828: Aanen Nilsen Dolholt gm Siri Knudsdtr.  
 1828—1873: Nils Aanonsen (sel frå 2½ ksk).  
 1873—1923: Kristian Theodor Kristensen og arvingane hans.  
 1922—1937: Ole Kristian Kristiansen.  
 1937— : Kaare Bjørlykke.

I 1893 blei fråskild parsellen Strålsund (Dynameyr) av skyld 3 øre, i 1922 del i Skotteviga 4 øre. Restskyld 7.62.

##### Bnr 3

var på 1½ hud, gl. lnr. 2 a.  
 1766—1795: Nils Gjerulsen.  
 1795—1805: Gjerul Nilsen.  
 1805 : Torborg Ellefsdtr.  
 1805—1807: Aanen Larsen Lunden.  
 1807—1849: Ellef Nilsen Inntjore.  
 1849—1862: Nils Ellefsen (i 1861 fråseld 6 ksk, lnr 2 b og lagt til lnr 3 a Tjore Vestre, nå bnr 4).  
 1862—1935: Lars Kristensen Udjus og arvingane hans.  
 1935—1946: Laurits og Gunhild Udjus.  
 1946— : Lars Udjus.

##### Tjore Vestre 3 huder.

Før 1617: Gjerul Omundsen (Nævesdal).  
 1617—ca. 1630: Gjerul Gjerulsen.  
 Ca. 1630—1673: Omund Gjerulsen.  
 1673—1724: Gjerul Omundsen.  
 1724—1731: Anne Nilsdtr, enke e. Omund.  
 1731—1769: Nils Gjerulsen.  
 1769—1770: Lisbeth Arntsdtr, enke e. Nils.  
 1770—1780: Kjetil Beintsen Gauslaa. Garden delt i 1781.  
 1780—1781: Anne Gunstendtr, 1½ h.  
 1781—1788: Christen Pedersen Tingsager, 1½ h.  
 1788—1804: Ole Tellefsen Flaa, 1½ h.  
 1804—1807: Ole Olsen d.e., 3 h.  
 1780—1781: Laurits Løkke, 1½ h.  
 1781—1788: Ellef Nilsen, 1½ h.  
 1788—1789: John Olsen, 1½ h.  
 1789—1802: Susanne Rebecca Aslaksdtr, 1½ h.  
 1802—1804: Susanne Rebecca, 1 hud.  
 1807—1812: Even Pedersen Grosle, 1 hud.  
 1812—1813: Ole Olsen d.e., 3 h.  
 1813—1820: Ole Olsen, 2½ h.  
 1813—1820: Fleire eigarar til ½ hud (Røe). Ole Olsen d.y. kjøper desse 6 ksk i 1820.  
 1820—1827: Ole Olsen d.e., 1 h 9 ksk.  
 1820—1827: Ole Olsen d.y., 1 h 3 ksk.  
 1827—1828: Ole Olsen d.y., 2 h 3 ksk (lnr 3 b).  
 1827—1837: John Olsen, 9 ksk (lnr 3 a).

##### Lnr 3 a.

1837—1849: Ellef Nilsen Inntjore.  
 1849—1862: Anders Andersen (Bua). Bruket slått saman med lnr 2 b i 1862. Nåv. bnr 4.

*Lnr 3 b, Bjørkegra.*

1828—1831: Aanon Gjerulsen.

1831—1865: Ole Jacobsen.

1865—1889: Kristen og Jakob Olsson.

Garden delt i 1889, bnr 5 og 18, hver eide-  
dom med skyld 5.81.

*Bnr 5.*

1889—1921: Kristen Olsen.

1921—1931: Jakob Olsen.

1931— : Anton Jakobsen.

*Bnr 18.*

1889—1931: Jakob Olsen.

1931— : Anton Jakobsen.

*Tjore Vestre og Østre 15 ksk.**Bnr 4 Eikhaugen.*

1862—1880: Anders Andersen.

1880—1897: Elias Andersen.

1897—1930: Anton Andersen.

1920—1928: Edvard Terkelsen.

1928—1953: Nils Terkelsen.

1953— : Marie Terkelsen.

Om fråsal frå eidedomen sjå tidlegare. Eik-  
haugen har 13 dekar dyrka og 100 mål skog.  
Husa er bygd 1885.

*Fråskilde bruk frå Tjore Vestre og Østre.**Bnr 6.*

Denne eidedomen blei utskild frå bnr 4 i  
1880. Skyld mk 2.15. Sevrin Terkelsen,<sup>5</sup> som  
var gm søster til Elias Andersen, overtok eide-  
domen. Eigar 1880—1901: Sevrin Terkelsen,  
1901—1933: Tomine Andersdtr, og frå 1933  
som nr. 4. Marie Terkelsen har au bnr 12,  
Midt-Tjore (Krossvoll).

*Bnr 17 Nordal.*

Eidedomen blei utskild frå bnr 4 i 1884,  
skyld 40 øre, og seld til Tobias Salvesen Hegde-  
kjær. Sjå Hegdekjær, bnr 9, som er skild ut  
frå Midt-Tjore. Frå bnr 17 er utsk. i 1947

Granli bnr. 34, Bjerkely bnr 40, og Bjerk-  
odden bnr 41 i 1955. Restskyld på bnr 17 er  
då 26 øre.

*Fråskild frå Østre Tjore.**Bnr 2 (Flødvik).*

Denne eidedomen blei utskild frå bnr 1 i  
1842 med sk 56 øre då Nils Aanonsen selde  
frå 1 ksk for 100 spd til Gjert Gunnufsen.  
Gjert var snekker og gm Marthe Kristine Ols-  
dtr Aagre (Flaa-ætta). Gjert og kona hadde 6  
born. Dei flytta til Fjære i 1853. Søren An-  
dreas Nilsen kjøpte eidedomen for 250 spd.  
Søren selde i 1885 til Johan Johannesen Eies-  
kjær. I 1927 fekk Josefina Marie Johannesen  
skjøte på eidedomen for 8000 kr. Marie Johan-  
nesen og Otilie Johannesen har frå 1938 også  
bnr 28 Flødvik, av sk 12 øre, utskild frå bnr  
5. Husa er bygd i 1879. Det er 7—8 dekar  
dyrka jord til eidedomen.

*Bnr 20 Bjørkheim.*

I 1896 selde Anders Andersen frå sin eide-  
dom bnr 4 Tjore Østre og Vestre eit jord-  
stykke, Fjøsvollen av sk 56 øre, til Nils Johan  
Johannesen for 1200 kroner. I 1912 gjekk  
dette stykke med uthus ved testamente til  
Anne Pettersen.<sup>9</sup> Mor hennar var søster til Nils  
Johan Johannesen Tjore. Anne Pettersen har  
eidedomen nå. Sætehus bygd 1922. Bjørkheim  
er på 25 dekar og av dette er 10 dekar dyrka.

*MIDT-TJORE*

var som nemnt i eiga til Hamre-folka i Tveit.  
Knud og Ansten Hamres arvingar åtte heile  
garden i 1674. Dei har leigefolk der, men me  
kan slutte at dei har flytta til ikr. 1680, Jon  
Anstensen, som seinare blei lensmann, til det  
eine bruket, og Ansten til det andre. Far til  
Ansten var Aanen Knudsen Hamre, som var

gm Gunhild Henriksdtr. Ho døde på Tjore i 1694. Ansten har barn til dåpen i 1691 og 94. Ei eldre dotter, Øyne, blei gm Aanon Gjerulsen av Tjore-ætta. Ansten flytta tilbake til Hamre, er der 1701, og då overtar Aanon som brukar på Midt-Tjore. I matr 1723 står han som brukar og Proprietarie Besidder av 2 huder 3 ksk, d.v.s. halve Midt-Tjore, men så heilt rett er nok ikkje dette. I 1724 kjøper han av Hamre-arvingane Ole Halvorsen Kjevig og John Hansen Drangsholt  $14\frac{3}{4}$  ksk for 169 rd. Ellef Christensen Drangsholt som var gm dotter til Knud Hamre hadde i 1683 pantsett 7 gsk i Tjore for 132 rd. Dette pantet hadde Aanen overtatt, men i 1728 blir det stor rettsak om dette godset som Hamre-arvingane i Tveit vil løyse inn. Domen går Aanon imot Han makeskifter til seg i 1730 frå Jon Beruldsen Drangsholt «alt det odelsgoods han efter skiftebrev sluttet 11/4 1694 samt udgivne panteforskrivelse 1/8 1683 og endelig en sorenskriverdom afsagt 4/7 1728 udi ovenmeldte gaard var eiende». Så vidt me kan skyna er det dei  $14\frac{3}{4}$  ksk. Ved sin død i 1741 åtte han halyparten av dette,  $7\frac{1}{2}$  ksk. Det er noe uvisst hossen det gjekk med dette godset. (Sjå seinare.) Sonen Aanon Gjerulsen var på Mebø i 1741. Det var sk etter han i 1748, men dette skifte er ikkje funne. Han budde då trulig på Omre i Eide, for ved sk etter enka Siri Knudsdtr i 1766 er det opplyst at ved sk i 1748 hadde borna arva jord i Omre, men denne garden hadde Siri seld og pengane var sett inn i Øvre Tjore, der ho kjøpte 3 h i 1759. Opplysingar finn me heller ikkje i panteregistret dei næraste år, men heile garden er sidan gått over til dei nye folka som kom til Midt-Tjore i 1740-åra. Me ser at Tellef Tellefsen (Rosse-land i B) i 1738 kjøper dei  $6\frac{1}{2}$  gsk som det hadde vore tvist om, for 80 rd. Dette godset overtar broren Omund same året. I 1742 er han på Tjore. Han vigjer då med Anne Ro-



Garden til Alfred J. Tjore, den einaste som stod att etter storbrannen på Nedre Tjore i 1873.

(Fot. 1960. Tv.)

mundsdtr Lunden. Omund Tellefsen dør alt året etter. Han sit då med 1 hud  $7\frac{1}{2}$  ksk i garden ( $6\frac{1}{2}$  gsk). Han hadde ei dotter, Siri. Anne vigde oppatt med Nils Pedersen Øye, og dei sit på garden noen år framover. Nils dør i 1753, 39 år gl, Anne i 1766, 46 år gl. Siri vigjer i 1761 med Ole Aanonsen Kylland og dei overtar garden.<sup>11</sup> Ætta etter dei blir sittande på garden ut heile neste hundreår. Garden blir etter hvert delt i fleire bruk. I 1913 sel den siste som me kan fylgje i rein mannsline, skipper Ole Emil Olsen, bnr 7 og 10 til Martin Thompson frå Birkenes. Dotter til Ole Emil, Kristine Amalie, blei gm Alfred Udjus. Dei overtok bnr 8.

Omund Olsen, son til Ole Aanonsen, overtar trulig garden då han g seg i 1793. Faren sat med 1 h  $7\frac{1}{2}$  ksk, men Omund får i 1809 kjøpt resten,  $7\frac{1}{2}$  ksk. Det må vere dei  $7\frac{1}{2}$  ksk som Aanon Gjerulsen hadde i 1741. Me ser at Rasmus Stiansen Kalvild i 1793 selde dette jordegodset til Ole Tellefsen på Øvre Tjore for 380 rd. Han makeskifte så med Susanna Rebecca Aslaksdtr, som tidlegare sat på den andre garden på Midt-Tjore (sjå Øvre Tjore), og Susanna selde så i 1808 til Omund

for 650 rd. Det var ikkje hus på denne eiegen, det ser me av ei rettssak i 1812.

Ved skifte etter Omund i 1826 blir enka Berte Olsdtr utlagd halve garden for 783 rd. Same år er det jordskifte. Garden, 2 huder 4 ksk, blir delt i «østre og vestre gaardsbrug». Berthe fekk vestregarden og sonen Ole Omundsen østre garden.

Til vestre garden blei lagd av «agerland» Pløieageren, Fidjeteigager, Gaasefod, Loftsager, tilsaman 19 700 kv. alen, og av «middels jord» Graasvold (4 st.) 16 987 al., heimre Krossvold (3 stk.) 5760 al., hertil Myrene 2068 al. Av «skrallere jord»: Svinsaasen 552, Grosvold 2025, Skovslotstykket 2982, Stuene (3 st.) tilsaman 3636 kv.a., «godtgjort ved hustofterne mod de østre» 806 al. Enka får vidare Nedre Gauleteigen og søndre Hougeteigen, Store Kjensaasteigen og Skovslotstykket. Skog: Fløikjærheia, Øvre Svinekjær, Vestre Bakke, Vestre Kalveskog, Vestre Hesthaven og Sandvigstykket. Ole får m. a. Husager, Krogager, Veiageren, Myreageren, tilsaman 19 695 kv.al. Av middels jord: Indre Krossvollen, tilsaman 22 753 al. Slåtter: Kroklev, 4 stk., ca. 10 000 al. Til dette kjem øvre Queldeteigen, nordre Hougeteigen og fremre Kjensaasteigen, «tvende stykker kaldet Krumpen». «Udenjords skog, dels furre, dels eeg: Nærstykket eller Næset, Lougebakken, østre Hægdekjær fra høie Salthei til sjøen, nedre Svinekjær fra høie Salthei til jordgjærden i Thygeskjær. Indenjords skog. Andeaasen og østre Slettestykket, Geedsfjeldet, og østre part af Krossvoldbakken, østre Hesthaven og Rosaasen.»

Husa skal Berthe ha, med unnatak av 2 små løer, sjøbu og båthus. Sumarfjøs, badstove og jordkjellar skal dei ha saman. Som vederlag for hus skal Berthe betale 120 spd. Kvenna blir dei eigar i som før. Dei skal vidare ha sin part i plassane Skottevig og Stensmoen som før. Same dag er det takst på garden. Årlig utsåd: Bygg 3½ tn, havre 1—1½, rug 2 skj, poteter 2—2½ tn. Avling: Bygg 16—17 tn, havre 7, rug 2, poteter 25 tn. Buskap: Kan fø 1 hest, 7 kyr, 3 ungfe, 20 sauer. Skogen: Årlig hogst utan «forringelse» 30 spd. Hus: «Vaanningshuset godt, men udhusene tildels i maadelig stand og maa forbedres.» Takst: 1566 spd.

Ole Omundsen var skipper og bonde. Han bygde på «østregarden» må me gå ut frå, garden som Magny Thompson Olsbu har nå. På «vestregarden» brann det i 1873 og nytt tohøgda hus blei bygd då (Grossvoll). Bror til Ole, Samuel Omundsen, løyste ut 9½ ksk i garden i 1835 med part i hus for 475 spd. Han pantsatte same dag til Stenersens enke for 400 spd. Mora, Berthe, sat att med 4 ksk. Dette får Samuel i 1843 då han tar mora i follaug. I 1841 hadde enka etter Ole, Ellen Ellingsdtr, seld 1½ ksk til Samuel Omundsen. Ellen sat då att med 1 h og Samuel fekk då i alt 1 h 3 ksk med det han fekk for follaug. I 1876 delte Ommund Olsen og broren Ole Emil Olsen garden, Ole Emil fekk bnr 10 for 1000 spd. Hver eigedom hadde ei skyld på mk 2.84. Då Ommund dør i 1889 får Ole Emil også bnr 7, for 4800 kr. Ole Emil var skipper og bonde som faren. Han selde i 1913 for 15 500 kroner, og garden gjekk då ut av ætta.

Frå bnr 7 er fråskild part i Skotteviga, 4 øre, og frå bnr 10 Skottevigmoen, skyld 15 øre. Fekk bnr 26. Ole Edvarlsen kjøpte i 1927 av Martin Thompson, men Thompson kjøpte det att eit par år etter.

Bnr 7 og 10 har 40 dekar dyrka mark, 200 mål prod. skog. Sætehus 1826(?), uthus 1890.

*Grossvoll*: Samuel Omundsen selde i 1846 (skj 48) Hegdekjær, 1¼ ksk, til Ole Petter Hansen Strandfjorden. Hovedbruket hadde då att 1 h ¼ ksk. Samuel Omundsen, eller Amundsen som dei tok til å skrive seg, døde i 1859. Enka Anne Gurine Kristine, sat så med eiegen til ho døde i 1883. I 1885 får sonen Sevrin August eiegen for 15 000 kr. I 1893 går eiegen som nemnt over til Alfred L. Udjus for 16 000 kr.

Grossvoll, bnr 8, har 45 dekar dyrka jord og 300 dekar skog. Husa på garden er som nemnt bygd i 1873,





Det gamle sætehuset på «Skjille» — garden til skipper Ole Emil Olsen. Huset påbygd og ombygd av Martin Thompson.

For det me kan kalle «Ansteinsbruket», 2¼ h, kan me sette opp denne

*Eigar- og brukarreke:*

Ca. 1680—1705: Ansten Aanensen Hamre.  
 Ca. 1705—1741: Aanen Gjerulsen.  
 1741[38]—43: Ommund Tellefsen Rosseland.  
 1743—1753: Nils Pedersen Øye (brukar).  
 1753—1761: Anne Romundsdtr.  
 1761—1793: Ole Aanonsen Kylland.  
 1793—1824: Ommund Olsen.  
 1824—1826: Berthe Oldstr, enke e. Ommund.  
 Garden delt.

*Bnr 7 og 10.*

1826—1841: Ole Ommundsen.  
 1841—1876: Elen Ellingsdtr, enke e. Ole.  
 1876—1889: Ommund Olsen.  
 1889—1913: Ole Emil Olsen.  
 1913—1941: Martin Thompson.  
 1941— : Magny Thompson Olsbu.

*Bnr 8 Grosvoll.*

1826—1843: Berthe Oldstr.  
 1843—1859: Samuel Ommundsen (Amundsen).

1859—1883: Anne Gurine Kristine Oldstr.  
 1883[85]—1893: Sevrin August Amundsen.  
 1893—1952: Alfred og Kristine Udjus.  
 1952— : Margit Nilsen gm Daniel Nilsen Skodde.

Frå denne eigedom er fråskild part i Skotteviga 4 øre, Fjelly (1941) bnr 32 av sk 10 øre, eigar Magnus G. Birkeland, Solli bnr 36 av skyld 3 øre, eigar 1955: Eva Margrethe Thømte. Vidare er som nemnt fråskild

*Hegdekjær bnr 9.*

1846—1867: Ole Petter Hansen Strandfjorden.  
 1867—1877: Anton Samuelsen (Amundsen).  
 1877—1896: Tobias Salvesen.  
 1896—1911: John Salvesen.  
 1911—1916: Josefine Salvesen.  
 1916— : Andreas Thorvaldsen.  
 1916—1918: Ths. Andreas Heimdal.  
 1918— : Eivind Karlsen Løddesøl og Torkel Mjåvatn.  
 1918—1929: Carl Joreid.  
 1929—1940: Marie Joreid.  
 1940—1951: Dagny Bertelsen.  
 1951— : Bjørge Frivold Bertelsen.

Hegdekjær ligg ved Strandfjorden og har 18 d dyrka mark. Nye hus bygd 1922. Eige-  
domen hadde opphavleg skyld 71 øre, men i  
1904 fråseld Hauen 1 øre og i 1958 Eenebak  
sk 25 øre. Skyld nå 45 øre.

*Bnr 17 Nordal*

av sk 40 øre, er nemnt under Øvre Tjore.  
Eigarane av Hegdekjær hadde Nordal frå 1895  
til 1919, då Carl Joreid selde til Margit Tøn-  
nevold for 4000 kr. G. M. Tobiassen fekk  
skjøte på eige-  
domen 1930. Det er sidan frå-  
seld parsellane Bjerkely, Granly, Bjerkely 2 og  
Bjerkodden, restskyld 26 øre.

«LENSMANNBRUKET»

Me skal nå sjå litt på det andre hovedbruket  
i garden, det som lensmann Jon Anstensen  
sat med ikring 40 år. Ved skifte i 1722 hadde  
buet 1 h 5¼ ksk i garden. Son Osmund Jon-  
sen overtok. Han løyste inn noe av godset og  
hadde ved sin død i 1731 i alt 2 h. Trulig  
dreiv enka då garden til ho g seg med Chris-  
ten Christensen Skalle i 1735. Christen døde i  
1741 og då overtok Ole Osmundsen. Ved sk  
i 1778 åtte han heile jordegodset, 2 h 3 ksk,  
som blei verdsett til 800 rd. Sonen John Olsen  
hadde så garden i 10 år. Han sel i 1788 1½  
ksk til Ole Jensen, det seinare bnr 12 Kross-  
vollen. Sidan har garden ikkje vore delt. Enka  
e. John, Susanne Rebecca Aslaksdtr, make-  
skifter så i 1788 garden med eit bruk i Øvre  
Tjore som Nils Ellefsen Inntjore hadde. Etter-  
komarar etter han har sidan sete på garden.  
Nils stod som eigar til 1808, men sonen Chri-  
stoffer brukte garden i 1792. Ein annan son,  
Nils Nilsen, var der i 1801. Christoffer over-  
tok i 1808 for 1275 rd. Etter 1826 er det  
eigarskifte fleire gonger, men Johannes Jensen  
Støle Inntjore<sup>12</sup> gm Gunhild Nilsdtr Inntjore  
hadde garden lengste tida fram til 1865. Då

overtok Nils Johan Johannesen og sidan sonen  
Johannes Jensen Nilsen. Garden, bnr 11 Store-  
voll, gjekk i 1926 til dottera Nelly Augusta  
gm Bernhard Thompson. Storevoll har 80  
dekar dyrka jord og 400 dekar prod. skog.  
Nye store hus er bygd i 1945 etter brann.  
Skyld mk 12.69.

*Eigar- og brukarrekkje.*

*Bnr 11 Storevoll.*

Ca. 1680—1722: Jon Anstensen.  
1722—1730: Osmund Jonsen.  
1730—1735: Karen Tellefsdtr, enke e. Osmund.  
1735—1741: Christen Christensen Skalle.  
1741—1778: Ole Osmundsen.  
1778—1788: John Olsen.  
1788—1808: Nils Ellefsen Inntjore.  
1808—1826: Christoffer Nilsen.  
1826—1829: Gunhild Nilsdtr Inntjore.  
1829—1830: Johannes Jensen Støle.  
1830—? : Ole Nilsen Inntjore.  
? —1836: Ellef Nilsen Inntjore.  
1836—1865: Johannes Jensen.  
1865—1901: Nils Johan Johannesen.  
1901—1926: Johannes Jensen Nielsen  
og Olivia Nielsen.  
1926— : Nelly Augusta og Bernhard Thompson.

*Bnr 12 Krossvollen.*

Dette bruket blei som nemnt utskild frå nr.  
11 i 1788, med skyld 1½ ksk. Betalt med 168  
rd. I 1803 blir bruket seld til Tellef Olsen  
Krossvolden, som det året vigde med Maren  
Aanonsdtr Tjore.<sup>13</sup> Tellef var i 1830 mester-  
svenn ved skipsverftet i Morviga. Ved skifte  
etter Maren i 1837 blir bruket, 1½ ksk, med  
hus sett i 350 spd. Det var sikkert Tellef som  
bygde på Krossvollen, for etter ft 1801 bur  
det ikkje folk der. Far til Tellef finn me på  
Øvre Tjore. Han var «haandsaugskærer med  
jord». I 1854 går bruket over til Terkel Nilsen  
som var gm dotter til Tellef. Eigar frå 1953 er  
Marie Terkelsen, som og har bnr 4 og 6. Til

Krossvollen høyrer 27 dekar dyrka jord og 100 dekar skog. Laftebygde hus i 2 høgder.

*Eigar- og brukarreke.*

1788—1793: Ole Jensen.  
 1793—1797: Nils Knudsen  
 1797—1803: John Andersen.  
 1803—1854: Tellef Olsen.  
 1854—1899: Terkel Nilsen.  
 1899—1901: Sevrin Terkildsen.  
 1901—1933: Tomine Andersdtr, enke e. Sevrin.  
 1933—1953: Nils Terkelsen.  
 1953— : Marie Terkelsen, enke e. Nils Terkelsen.

NEDRE TJORE

Folk av Tjore-ætta fekk som tidlegare nemnt hand om garden frå 1650-åra. Det var 2, skiftesvis 3, brukarar på garden. Brørne Tellef Nilsen og Aanon Nilsen sat der ikring 1660 og utetter. Og vidare ætta etter dei. Tellef Nilsens bruk var det største, 2 h 3 ksk, medan det andre var på 1 h 9 ksk, tilsaman 4 h. Slik var det både i 1701 og 1723. Nils Tellefsen åtte 1 h 3 ksk i 1731, men sonen Nils Nilsen hadde heile garden ved sk 1758. Nils døde barnlaus. Broren, Tellef Nilsen, hadde gift seg med Friis-ætlingen Marie Kirstine Sørensdtr Nørholmen. Sonen hans, Nils, fekk Nørholmen. Dottera Johanne som blei gm Aanon Aanonsen Liene<sup>13</sup> fekk Tjore. Sonen Aanon, som var Aanon den 3., bytte garden i 1816 då han selde 9 ksk til farbrørne Nils og Gunder for 166 spd. Gunder selde sin part tri år seinare til Nils for 100 spd. I 1847 blei så hovedbruket delt mellom sønene til Aanon; Christoffer som var eldst fekk 1 hud for 600 spd, og Aanon 6 ksk for 300 spd. Aanon den 4. var ungar og testamenterte alt han hadde til Christoffer, så frå 1857 blei eigedomen på ny samla. I 1876 selde Christoffer frå plassen Sørviga, 1/3 ksk. Det nye skyld blei mk 7.76 og fekk bnr 14 i den nye matrikkelen. I 1905 blei garden

delt i to mellom sønene Karl og Theodor Kristoffersen. Karl fekk bnr 14 av sk mk 3.88, Theodor bnr 24 med same skyld. Karl selde i 1912 til Theodor Johannesen Eieskjær for 7250 kr. I 1920 fekk Jørgen Alfred Johannesen (Alfred J. Tjore) bruket for 10 000 kr. Maren Gurine, enke etter Theodor Kristoffersen, selde i 1947 bnr 24 til Nils A. Woie for 23 000 kr. Med Karl og Theodor gjekk begge desse bruka ut av det gamle ættlegget.

Bnr 14 har 21 dekar dyrka mark og 45 dekar prod. skog. Sætehus laftebygd i 2 høgder.

Bnr 24 Bratli har 27 dekar dyrka jord og 100 dekar produktiv skog. Sætehus bygd 1900, uthus 1901.

Me skal sjå på det tredje bruket som er gått ut frå det gamle hovedbølet som Tellef Nilsen hadde. Dei 9 ksk som blei skild frå i 1816 fekk som nemnt brørne Nils og Gunder Aanonsen. Nils hadde det heile frå 1857. Til dette bruket, bnr 13, *Haugen*, er tillagt 1 1/2 ksk som er skild ut frå bnr 1 i 1838. Dette kjøpte Aanon Nilsen Nedre Tjore 1862 for 460 spd. Dei 9 ksk i Nedre Tjore overtok han i 1864 for 1550 spd. Garden gjekk til sonen Nils Anton Nilsen, som døde i 1905. Nils Lie Nilsen Enge hadde så garden eit par år. Han skj i 1909 garden til Theodor Gundersen Inn-tjore<sup>14</sup> for 10 000 kr. Mor til Theodor var komen frå Nedre Tjore og garden blei såleis i det gamle ættlegget. Sonen Gunnar har eigedomen frå 1930. Haugen har 30 dekar dyrka jord og 200 dekar prod. skog. Sætehus i 2 høgder og uthus bygd 1873.

Frå bnr 13 er fråskild del i Skotteviga, sk 2 øre, i 1939 parsellen Fjellheim av sk 10 øre, og 1942 Solheim, sk 11 øre. Bnr 13 har nå sk mk 4.65.

Bnr 15, Sørviga, som blei fråskild frå bnr 14 i 1876 har sk 15 øre. I 1939 kjøpte Knut Ham-sun denne eigedomen.

Det andre hovedbruket i Nedre Tjore har

gått uskift i ætta i 300 år. Eigaren nå, Gustav Gundersen, ættar i 8. ledd frå Aanon Nilsen Ø. Tjore, som hadde jord i Nedre Tjore. Sonen Erik Aanonsen busette seg der og sidan har bruket gått frå far til son. Det er bare som for dei andre bruka på Tjore fråskild del av Skotteviga, her med 6 øre. Bnr 16 har sk mk 11.13. Det har 60 dekar dyrka mark og 300 dekar prod. skog. Husa blei bygd etter storbrannen i 1873 då mykje av det gamle Tjore gjekk opp i logar, og då lengst aust på garden.

For Nedre Tjore kan me sette opp denne

*Eigar- og brukarrekkje gjennom 300 år.*

*Hovedbøle I (2 b 3 ksk).*

1657—1688: Tellef Nilsen.  
1688—1741: Nils Tellefsen.  
1741—1757: Nils Nilsen.  
1757—1790: Nils Tellefsen (Nørholmen).  
1790—1803: Aanon Aanonsen gm Johanne Tellefsdtr.  
1803—1816: Aanon Aanonsen d.y.  
(fråskild 9 ksk bnr 13).

*Bnr 14.*

1816—1847: Aanon Aanonsen.  
1847—1905: Christoffer Aanonsen.  
Garden delt i 2, bnr 14 og 24.  
1905—1912: Karl Martin Kristoffersen.  
1912—1920: Theodor Johannesen (Eieskjær).  
1920— : Alfred J. Tjore.

*Bnr 24*

1905—1947: Theodor Kristoffersen og enka Maren Gurine Jensdtr.  
1947— : Nils A. Woie.

*Bnr 13 Haugen.*

1816—1819: Nils og Gunder Aanonssøner.  
1819—1861: Nils Lie Aanonsen.  
1861—1864: Anne Kirstine Jensdtr, enke etter Nils.  
1864—1896: Aanon Nilsen.  
1896—1905: Nils Anton Nilsen.  
1905—1907: Arvingane etter Nils Anton.

1907—1909: Nils Lie Nilsen.  
1909—1930: Theodor Gundersen.  
1930— : Gunnar Johan Gundersen.

*Hovedbøle II (1 b 9 ksk).*

*Bnr 16.*

Ca. 1670: Aanon Nilsen.  
Ca. 1670—1696: Erik Aanonsen.  
1696—1707: Anne Bentsdtr, enke e. Erik.  
1707—1731: Aanon Eriksen.  
1731—1741: Guri Gundersdtr, enke e. Aanon.  
1741—1763: Gjerulf Aanonsen.  
1763—1791: Astri Jonsdtr, enke e. Gjerulf.  
1791—1831: Aanon Gjerulsen.  
1831— : Ole Jakobsen.  
1831—1857: Gunder Aanonsen.  
1857—1921: Aanon Gundersen.  
1921—1953: Marthe Gurine, enke e. Aanon.  
1953— : Gustav Gundersen.

*Bnr 25 Skottevig.*

Skottevig var plass under Tjore. I 1861 fekk Henning Johnsen og kona feste på plassen for innfestingsavgift 60 spd og årlig avgift 9 spd. I 1922 fekk Ole Edvardsen skjøte på eigedommen for 2500 kroner. Skyld 40 øre. Det har sidan vore fleire eigarar. I 1955 blei det fråskild 4 parsellar. Resten, av skyld 25 øre, kjøpte Magny Thompson Olsbu.

Skotteviga finn me første gong nemnt i 1788, då Ole Andersen fester plassen av åsittarane på Tjore for 6 rd for året. Han budde på plassen i 1792 med kone, 2 søner og 4 døtre. Dei sådde 1½ tn bygg, avling 9 tn, og ⅓ tn poteter. Ole Andersen festa også plassen Steinsmonen, som også ligg ute ved Strandfjorden, i 1799. Anders Olsen hadde plassen i 1820-åra. Jens Olsen Støle kjøpta husa på auksjon i 1823 for 91 spd. Han selde i 1825 til Jon Johansen Skottevig for 70 spd. Så finn me ikkje noe om Skotteviga før i 1861 då Henning Johnsen som nemnt fester plassen. Henning var skipstømmermann, f 1830. Faren, Jon Johannesen f 1797, var der i 1875. Han var

smed. Vidare budde Henning der, og broren Rasmus, som var gift. Han var skipstømmermann. Flytta til Støle. Skottevig blei utskild frå dei gamle bruk på Tjore i 1922.

*Steinsmonen* er ein nedlagd plass ved Strandfjorden. Det er ennå noe dyrka mark der. Høyrrer til Olsbus bruk. I 1792 var Kiddel Terjesen der med kone, ein son og ei dotter. Sådde 1 tn bygg. Ole Andersen Skottevig festa plassen i 1799. Det siste me finn om plassen er at Terje Kittelsen Stensmonen gifter seg i 1818. Han var matros.

*Sørviga* var ein nyare plass under Tjore. Hans Ommundsen Nyhaven festa plassen i 1847 mot 16 arbeidsdagar til året. Det var ei heller høg leige. I 1858 gjekk festet over til Erik Ommundsen, f 1818 i Eide. Han budde i Sørviga i 1875 og var skomakar. Dei hadde 1 ku, sådde noe korn og sette 3 tn poteter. Han var gm Maren Kristine Andersdtr, f i Skottevig 1818. Dei hadde mange born. Sonen Ole Kristian Eriksen, f 1848, var styrmann. Han var gm

Matilde Pedersdtr. Dei budde ei tid på Molandskjerr, men frå 1879 i Sørviga, og hadde fleire born. Siste gong me finn dei nemnt er i 1898, då dei har dottera Maren Kristine til dåpen.

Gunnar Gundersen Tjore selde Lille Sørviga, av skyld 50 øre, til Knut Hamsun i 1939 for 3500 kr.

#### MERKNADER

1. Sjå Nævesdal-ætta.
2. « Tjore-ætta.
3. Han var gm Anne Beintsdtr Beisland, av den gamle Gauslaa-ætta. Sjå denne.
4. Sjå Hamre-ætta.
5. « Torp-ætta.
6. « Flaa-ætta, Tjore.
7. « Aagre-ætta.
8. « Torp-ætta.
9. « Vinsland-ætta.
10. « Omre-ætta.
11. « Kylland-ætta.
12. « Hesthagen-ætta.
13. « Auglands-ætta.
14. « Inntjore-ætta II.

## TJORESTRAND

Gnr 2

var plass under Tjore, men fekk eige gardsnr i matr 1889. Det var ikkje stor «garden», den minste i Landvik. Gamalt skyld var  $\frac{1}{4}$  hud, ny skyld mk 0.76. Gunder Aanonsens enke står oppført som eigar i 1889, i 1905 «Gaarden Tjores eiere». Nå er det lenge sidan det budde folk der. Den siste som er nemnt der er ein sjømann, Reinert Johan Tobias Knudsen, som var f i Finsland i 1864. Han gifta seg i 1883 og fekk ei dotter same året. Over 200 år tidlegare, i 1657, sat det ein husmann som

heitte Jens i Tjorestrand. I 1668 er Tjorestrand serskilt skyldsett ( $\frac{1}{4}$  h) og det heiter at dei kan fø 3 naut og 4 smaler. Eigarar er: «Alle trj Tiorre gaarders eiere.» Tjorestrand var såleis sameige. Brukaren heitte Nils Christensen. I 1701 er det ei Margrethe Pedersdatter, gl pige, som bur der. Christen Berthelsen er brukar i 1723. Utsåden blir sett i 3 tn. «Ingen skov. Lætvindt.» Christen Berthelsen Tjorestrand døde i 1753, 83 år gl. Peder Christensen Tjorestrand, trulig sonen, gifte seg i 1745 med Inge-

borg Terkelsdtr Bakken. Ein son Terkel 1746. Dei er der i 1766. Peder døde i 1769, 60 år gl. I åra framover er det fleire brukarar. Nils Nilsen Tjorestrand vigjer i 1789 med Ingeborg Christensdtr Strømfjord. Nils døde i 1826, 79 år gl. Det er sk etter Ingeborg i 1788. Det var ikkje stort dei hadde. Buskapen var ei ku. I 1792: Sår 1¼ tn bygg, avling 6 tn. Nils var

skipstømmermann. Styrman Gunder Aanonsen Tjore bur i Tjorestrand frå 1825. Mange born. (Sjå Auglands-ætta.) Gunder døde i 1847, 53 år gl. Kona hans, Christine Christensdtr, budde der i 1875. Ho var f på Tjore 1804 og døde på Skoddet 1897. Flytta trulig frå Tjorestrand ikring 1883, og plassen blei då visstnok nedlagd.

## SKODDET

Gnr 3

Anders på Schoddet var husmann i 1617. I 1628 er nemnt Søren på Schoddet. Søffren Schaadit betalar som husmann og strandsittar ½ dl i skatt 1658. I 1665 er nemnt Berul Søffrensen Schodet som er husmann under ytre Østerhus. Men Skoddet, som blei serskilt matrikulert i 1668 med skyld ¼ hud, låg då under Molland og Østerhus. Det var då to brukarar, Børulv og Wrold. Den siste er trulig den same Wrold som sat på Østerhus. Det heiter at dei kan fø 3 naut og 4 «smaler» og så 3 fjerding.

Berulf Sørensen Skoddet vigde i 1693 med Olaug Thomisdtr og dei fekk ein son, Jens, men Berulf døde same året, vel 55 år gl. Og me høyrer ikkje meir til Olaug og sonen.

I 1696 døde Torchild Olssen Skoddet, 34 år gl. I 1701 er det Ole Leifsen som brukar plassen. Han er då 34 år og har stesonen Christen Torchildsen. Ole har såleis gifta seg med enka etter Torkel. Dei sat på Skoddet i 1723 og det er oppgitt at dei kan fø 2 naut og 2 sauer og så 7 skj. Skov til ilding. Lætvindt. I 1730 døde Berethe Skoddet, trulig kona til Ole. Og nå kjem det nye folk til plassen.

I 1730 har Ole Schoddet dottera Berethe til dåpen, i 1734 Giertrud og i 1736 sonen Halvor. Av seinare skifte finn me at Ole var den

same som Ole Olsen Beisland, som i 1727 vigde med Karen Halvorsdtr Dokkedal. Og dottera som blei fødd i 1730 heitte nok etter farmora, Bergitte Beinsdtr Beisland, som var av Gauslaa-ætta og som 2. g. var gm Ole Olsen. Han var kanskje ein bror av Torkel Olsen Skoddet, men me veit elles ikkje kvar han var komen frå.<sup>1</sup> Ole Olsen døde 1742. Karen gifte seg då oppatt med Aslak Olsen Næs frå Rise-eige i Øyestad. Dei sat tolig godt i det på Skoddet, Ole og Karen. Ved sk i 1743 var bruttoeiga 63 rd, netto 57. Dei hadde 2 kyr, 1 sau med 2 lam og 3 kje då.

Huserne sagde enken stod paa ditto plads og under og paa gaarden Mollands eiendeler til hvis opsidder svares aarlig udi husmandsskat 1 dl 3 ort samt 2de arbejdsdage.

*Husa* på plassen: 1 stove med skorsten og 1 fast «sengestæd» og «2de faste opslagne bænke, samt kjøken med skorsten og 1 indebygget seng og skabbod udi». Loftsrom ovenpå og nævertag, samt «dito huser med bordklædning forsiuncd. Nok et Boehus (buhus) med et lidet høeloft ovenpaa og nævertag — endelig en løe med love i enden og nævertag, hvilke huser i den stand de nu er og forefindes af mændene efter deres bedste skiønsomhed blev taxeret for 24 rd.»

Av døtrene på Skoddet kom Berthe til si faster Malene, som var gift på Fillingtveit, og ho blei buande der. 2. gong gm sin slektning Bent Larsen Beisland. Giertru vigde med Nils



Tun på Skoddet.  
(Fot. 1960 Tv.)

Andersen Udjus. Same tid som Ole døde eldste sonen som og heitte Ole, 15½ år gl. Halvor veit me ikkje meir om.

Karen Halvorsdtr vigde som nemnt oppatt med Aslak Olsen. Dei fekk ein son, Ole, som kom til Skoddet og seinare til Tjore. Han var gm Torbor Arnoldsdtr Støle. Han fekk eit bruk i Midt-Tjore etter svigerforeldra, men då han døde, gjekk bruket ut av ætta.

Karen Halvorsdtr døde i 1747, og Aslak gifte seg oppatt med ei Targier Aslagsdtr. Dei fekk ein son, Aslag, som kom til Grømstad, og tri døtre. Ei av dei, Ane, var i 1794 gm Nils Syvertsen Strømmen. Ho hadde tent i Arendal. Karen, f 1750, d 1794, tente på Landvig. Ho fekk eit dundrande gravøl skal ein tru rekninga som Thomas Fasting la fram. Der var «til servering» m. a. «2de faar» og av drikke 10 pottes brennevin og 4 fl. aqvevit og dessutan øl for 1½ rd. Ho åtte 47 rd, men til gravferda gjekk det med innpå 18 dl, og skrivaren tok 6 for skiftet, så det blei bare 17—18 dl til deling mellom søskena.

Aslak Olsen Skoddet bleiv i Rore i 1779, 61 år gl. Kona hans, Tarjer Aslaksdtr, døde i 1790, 76 år gl. Då Aslak døde, åtte han for

81 rd. Gjelda var 19 rd. Han åtte halvparten av sætehusa for 25 rd, 1 stolpehus 10 rd, løe og låve 4 rd, fjøs 2-2 og et gammelt stuehus 10 rd. Plassen var soleis hysa mykje opp.

I 1783 kjøpte Tellef Pedersen Birkedal husa for omlag 81 rd og flytta til. Tellef Pedersen sat der med kone og tenestegjente i 1792 og brukte då halve plassen, 1½ ksk. Den andre halvparten av plassen brukte Iver Andersen, som au var frå Birkedal (Sandene). Samla utsåd var då 2 tn bygg og 1/12 tn poteter med avling 19 tn bygg og 2 tn poteter, så dei måtte ha dyrka ikkje lite fram gjennom hundreåret.

Delinga av plassen var nok i 1730-åra. I 1736 ser me at Anne Terchelsdtr Skoddet vigjer med Lars Tellefsen. Han døde i 1750, 50 år gl. Dei hadde ikkje born. I 1751 har Terkel Andersen Skoddet og Siri Pedersdtr ein son, Anders, til dåpen, i 1754 Peder, men så høyrer me ikkje meir til dei. I 1767 er det sk etter Anne Terchelsdtr som var død året før. Ho var dotter av Torkel Olsen Skoddet, som tidlegare er nemnt, og hadde ein halvbror, Terchel Olsen, som hadde budd i Sperreviga i Ø og ei halvsøster, Berthe, som i 1726 vigde med Peder Andersen i Strandfjorden. I sk



heiter det at «huserne som paa pladsen er be-  
staaende» er verdsett til 20 rd. Saman med  
lausøyre er det brutto for ca. 31 rd. Søster-  
dottera Marthe Pedersdtr har tilgode vel 25  
rd for gravferdskostnad, rede laante penge og  
2 aars teneste, heiter det. Skifteretten tar så  
resten av buet. Skrivaren får ei ku for 5 rd +  
ei gryte og 3 gryteringar! Marthe får husa og  
resten av lausøyra. Marthe Pedersdtr Tingvold  
som i 1769 vigjer med Iver Andersen Skod-  
det, må me gå ut frå er den same Marthe.

Iver Andersen var som nemnt frå Sandene,  
Birkedal.<sup>2</sup> Han døde på Skoddet i 1801, 75  
år gl. Iver hadde nok kjøpt husa på plassen i  
1768. Han var då gm Barbro Olsdtr, som  
døde i barsel det året, 34 år gl. Iver åtte ved  
skiftet brutto 92, netto 69 rd. Husa var sett  
i 20 rd. Buskapan var 1 ku og 1 sau, som  
skrivaren tar for skiftet. Iver Andersen får  
feste på plassen i 1780, Tellef Pedersen i 1782.  
Han skal betale 3½ rd året. I 1799 sel Tellef  
Pedersen husa på plassen til Torjus Knudsen,  
som og hadde vore på Birkedal ei tid. Han  
var av Hørte-ætta. Men han blei der ikkje  
lenge. I 1803 selde han husa til Ole Hansen  
for 199 rd. Ole var ein yngre son til Hans  
Christensen Holte. Han var skipsbygger som  
så mange i denne ætta.<sup>3</sup> Ved sk etter første  
kona i 1826 åtte han 150 spd netto. Eit par  
år etter får han kjøp på 2½ ksk i Mollandskjær  
for 158 spd og rett til «buegang» for så mykje  
krettur som han kan fø på bruket.

#### Bnr 1.

Det Ola kjøpte var noe av Mollandskjær.  
Han fekk skjøte på eigedomen 1830. I 1844  
skilde han frå til sonen Lars Olsen  $\frac{8}{9}$  ksk for  
100 spd. Dette blei det seinare bnr 26 under  
Molland gnr 12. I 1848 skj så Ole eigedomen  
over til sonen Rasmus Olsen for 200 spd. Eige-  
domen hadde ny skyld 2 ort 8 sk. I 1872 blei  
dette slått saman med lnr 36 a av skyld 0-1-8

og lnr 37 av skyld 2 ort, så den samla skyld  
blei 1 dl og 16 sk. Rasmus hadde kjøpt lnr 36  
fra Molland og Bakke (1½ ksk) i 1857 for  
600 spd. Det var den gamle halve plassen, lnr  
37 den andre halve plassen. Sjå seinare. I 1875  
skilde han ut eit stykke på 1 sk til Jørgen  
Bang, og i 1881 bnr 27 Molland av ny skyld 3  
øre til Ole Larsen for 100 kr. I det nye matr  
fekk eigedomen skyld mk 3.00, etter at det i  
1874 var fråseld bnr 2, som Carl Johan Salve-  
sen fekk for 175 spd. Carl Johan Salvesen fekk  
så i 1891 skj på bnr 3 av skyld 92 øre for  
1800 kr. Bnr 1 har då att skyld mk 2.08.  
Tellevine Olsen, enka etter Rasmus, selde så  
eigedomen i 1899 til Ole Kristian Nilsen for  
5600 kr. Sonen Olaf Skodde fekk eigedomen  
og gnr 4 bnr 19 Støle i 1944 for 16 000 kr.

Bnr 1 har 32 dekar dyrka mark og 50 dekar  
produktiv skog. Sætehus i 1½ høgd bygd 1878,  
modernisert 1949. Uthus bygd 1907, grisehus  
og vedskjul 1929. Bruket før 5 kyr og hest.

#### Bnr 2—3

er nemnt ovanfor. Ragna og Martha Salvesen  
Mollandskjær fekk skj på desse eigedomane i  
1952 for 10 000 kr. Bruket har 18 dekar dyrka  
mark. Sætehus bygd 1874, uthus 1931. Ragna  
og Martha fekk eigedomen etter foreldra, Marie  
og Samuel Theodor Salvesen.<sup>4</sup>

*Nygård*, bnr 4, blei fråskild bnr 2 i 1901.  
Salve Nilsen kjøpte for 300 kr. Det var bygd  
på Nygård i 1879. Salve Martini Nilsen,<sup>5</sup> f  
1877, har hatt eigedomen sidan kjøpet i 1901.  
Dyrka areal 3 dekar.

*Bergtun*, bnr 5 av skyld 3 øre, selde Martha  
og Ragna Salvesen i 1956 til Ole Sevrinsen  
for 1100 kr. Gått ut frå bnr 3.

*Den andre plassen*, den som Iver Andersen  
sat på, må me nå kome tilbake til. Etter at Iver  
Andersen var død i 1801 sat enka Marthe

Pedersdtr i uskift bu. Ho døde i 1819 og det var sk i 1820. Det er då nemnt at plassen ligg under Molland, Lien og Østerhus. Av borna levde då bare sonen Ole, som var på Skoddet, og søstera Barbro. Lausøyra blei taksert i vel 19 rd, husa i 60 rd. Ole kom med krav på 137 spd i buet. M. a. hadde han i 1810 sendt heim frå Fredrikstad 200 rd d.c. eller nå 45 spd. I 1812 hadde han levert mora 70 rd (8 spd 90 sk). For opphald og pleie sidan 1812 rekna han 8 spd. I denne tid hadde ho vore «berøvet sin forstand». Ole får då og det der er å skifte. Ole Iversen døde i 1834, 62 år gl. Han var gm Ane Andersdtr Knaredal, som døde i 1838. Dei hadde ikkje born.

Frå 1832 er John Pedersen (Langemyr) der. Plassen blir ved auksjon 1839 seld til Lars Larsen Østerhus. John Pedersen krev då takst over husa. Sætehus: 16 al langt, 6½ al bredt, 10 fot høit, 4 fag vinduer, 2 med bly, heiter det. Der er stove og kjøken, forstove og lofter

og skorstein med bakeromn. Takst 64 spd. Fjøs: 14 fot i firkant, gråsteinsmur. Løe og låve over av tømmer 25×16×6 fot. Tilbygning i bindingsverk 10×16×6 fot. «Møddingskjul i enden». Takst 40 spd. Potetkjeller: Grunnmura, 4 al i firkant, 3 al høg, takst 6 spd. Tilsaman 110 spd.

Av dei tidligare eigarane møtte Jørgen Jørgensen Lien og Søren Larsen Molland. Lars Larsen fekk auksjonsskjøte i 1840 på 1½ ksk eller 2 ort for 290 spd. Lars Larsen var skipsfører. I 1860 gjev han skj til Tønnes Ommundsen Lien på egedomen for 400 spd. Dette var lnr 37, som blei slått saman til bnr 1 i 1872.

#### MERKNADER

1. Sjå Beisland-Skoddet-ætta.
2. « Birkedals-ætta III.
3. « Holte-ætta.
4. « Koveland-ætta.
5. « Koveland-ætta.

## STØLE

Gnr 4

Det er lite me veit om garden i eldre tid. Jep Støfle møtte som lagrettemann på Hommedal 1591 og skreiv under dokumentet om kongehyllinga. Han er lensmann i 1610 og er då skreven Jeppe Støfle. Same året er han nemnt som krone- og leiglendingsbonde, i 1612 betalar han knektskatt. Det er siste gongen me finn han nemnt. Han var trulig danske. Elles er det fleire namn me møter på Støle: I 1609 er det ein Anders Bonnde, som får 1 dl i bot «for han sloug Amund Støffle med en steenkrus udi hans hoffuit». Vidare: Hans 1610, Gunner Støfflenes 1610 (hm), Peder Støffle 17—23 krone- og leiglendingsbonde.

Garden var på utanbygds hender og er ikkje nemnt i jordeboka under Landvik 1624. I åra 1625—29 er det ein Guttorm der, men frå 1629 Jørgen Støffle. 1643: Jørgen Støffle eiger 1 hud i samme gaard med hans medeigere. Han åtte dessutan noe i Morholt. I 1647 leiger Jørgen Mæsel 3 huder til Jørgen Støle, som har 1 hud saman med sine medeigarar. Det var såleis Jørgen Støle som brukte heile garden, som då var fullgard, 4 huder.

Under Støle, eller Støelle som garden då blei skreven, finn me i 1645: Jørgen og hans qvinde, en søn, toe piger. Søffren Hansen og hans qvinde, en dreng Anders, toe piger Aase

og Mergrethe. Jens og hans qvinde, toe piger Ellin og Anne. Rasmus og hans qvinde.

Sonen som er nemnt er nok Hans Jørgensen, som i 1657 leigde 1 hud 4 ksk av Jørgen Mæsel, men under kvegskatten er bare oppført Jørgen og husmannen Rasmus på «Støffle eie». Jørgen hadde nok au sønene Berulv og Ole. Berulv betalte drengeskatt i 1650, Ole i 1660. I 1659 er og nemnt Gunsten Jørgensen Støle, som blir dømt til å betale 8 dl

... for han undvigte for Kongl. Ma. tjeneste og iche møtte til nevnte ting, meden av Riget imod forbud bort seylet.

Søffren Hansen og Jens Wroldsen er nemnt som strandsittarar i 1661. Jørgen Mæsel eig då 3½ hud i garden som Jørgen Støle brukar. Sjølv har Jørgen Støle 1 gsk og leiger av Hans Brynelsen Schore 1 gsk. I 1664 er skyldet sett ned til 3 huder. Jens Wroldsen er då blitt åsittar og er 53 år gl. Jørgen og sønene hans høyrer me ikkje meir til. Husmann er Jens Christoffersen, 36 år. Søffren Hansen, 60 år. Han budde i Strandfjorden. Sjå der.

I 1668, då Jørgen Mæsel framleis står som eigar, er det ein Laurits som er brukar av garden. Som husmenn er nemnt Søffren Hansen og Jens Amager. I 1674 eig Torbiørn Salfuessen i Ahrndal 1 hud og Tommis Jørgensen

Giennestad på sin broder hr. Olle Jørgensens børns vegne 1 hud. Just Jacobsøn Wolf på Molland blir i 1683 utlagd 1 hud i Støle frå Herbiørn Herbiørnsen etter dom sagd i 1682. Han lovbyd denne huda til sal same året, verdsett for 50 rd. Sorenskriver Knud Hansøn og Anders Hansen Østre Sandvig pantsett til Just Jacobsøn i 1684 1 hud i Støle som dei har erva etter svigermora, Anne Jørgensdtr Asdal. Same året er det takstforretning over 2 huder i Støle som Just Jacobsøn eig. I 1692 skriv han til Knud og Anders Hanssønner som han har fått Støle i pant av, at anten vil han ha panteutlegga att eller og få garden til odel og eige då han har hatt så mykje utlegg og påkostnad på Støle. Dei svarer hver for seg at dei avstår frå all rett til garden. Just Jacobsøn hadde nå heile garden, for i 1690 hadde han fått skjøte frå Friderich Olsen Mæsel på 1 hud i Støle som han hadde erva etter farfar sin, Jørgen Mæsel.

Just Jacobsøn og kona Dorthe Christensdtr pantsette i 1699 Støle til Nils Gjerulsen Tjore, som overtar garden. Han bur der ugift i 1701. I 1711 får han kjøpebrev av Just Jacobsøn for 280 rd, men leiger nok snart bort garden. Romund Terkelsen Lunden kjem dit. Han brukar 2 huder i 1723, medan Ole Terkelsen, svogeren hans, brukar 1 hud. Ole eller Oluf Terkelsen Biorøen vigde i 1720 med Karen Terkilsdtr Støle, så Lunden-folka må vere komne dit før den tid. Mor til Romund og Kari var Barbra Gjerulsdtr Tjore, søster til Nils Gjerulsen.<sup>1</sup>

#### *Garden blir delt.*

Me kan vel rekne at garden blir delt i to bruk kring 1720. I 1743 er Arnold Hansen Morholt<sup>2</sup> komen til Støle. Karen Romundsdr vigde i 1743 oppatt med Gunner Thorsen Aasen. Det er nå 3 bruk på garden. Pros Terkelsen, bror til Romund, kom til Støle. Ro-

mund flytta til Havstad. Pros vigde i 1744 med Anne Aanonsdtr Tjore. Arnold Hansen var gm Gunvor Aanonsdtr, begge av same ætt som Barbra Gjerulsdtr.

I 1747 sel Gjerul Nilsen Tjore 1½ hud i Støle til sitt søskenbarn Pros Terkelsen Støle for 250 rd. Gjerul Nilsen døde barnlaus. Enka hans gifte seg med Christen Kjøbman på Landvik, og han selde i 1753 resten av garden. Arnold Hansen fekk 1 hud for 183 rd, og Gunner Torsen som var gm Karen Romundsdr ½ hud.

Me må gå ut frå at dei gardpartane som her er nemnt, svarta til det dei brukte i garden. Same garddelinga er det i 1792 og i 1838, men frå 1840-åra blir det ny oppdeling på garden og mykje omskifte. Støle er derfor nå delt i ei rekke mindre bruk.

#### *Pros Terkelsens bruk.*

Pros Terkelsen fekk som nemnt kjøp på 1½ hud eller halve Støle for 250 rd. Han døde i 1776, 71 år gl., og enka Anne Aanonsdtr sat så med garden til 1780. Då overtok Terkel Prossen, som sat med garden heilt til han døde i 1842, 88 år gl.

I 1784 brann garden ned. Brannen var 2. januar. Då strauk og med husa til Nils Arnoldsen Støle, så dei to gardane låg då i eit tun. Alt strauk med, sætehus, uthus og avling. I oktober to år etter blir det ført tingsvitne på at nye hus er bygd.

Terkel Prossen sādde i 1792: ¼ tn rug med avling 1 tn, 4 tn bygg (20) og ¼ tn poteter (2). Bruket hadde lnr 13 i matrikkelen 1838 og var då som nemnt framleis på 1½ hud. Ved skiftet etter Karen Nilsdtr — kona til Terkel — i 1840 blei garden sett i 1500 spd.

Etter at Terkel Prossen var død, var det i 1843 utskifting på garden. Ola Aasulsen kjøpte 6 ksk for 600 spd, det seinare bnr 2 og 3. Ole Christian Alsand kjøpte bnr 3 i 1871 for 250

spd og bnr 2 i 1872 for 500 spd. Blei slått saman med bnr 1 i 1873, men har framleis eigne bnr.

Thor Jensen Støle var gm Barbro Terkelsdtr. Han overtok og 6 ksk av lnr 13, men selde frå det meste. Det var bare att  $\frac{3}{4}$  ksk, som blei slått saman med bnr 1. Bnr 7 er og gått ut frå Terkel Prossens bruk. Bnr 7 er den siste tridjepart av bruket etter delinga i 1843, men i 1893 blei ein større parsel, Nesvollkjær, seld frå.

#### *Arnold Hansens bruk*

var på 1 hud. Han kjøpte som nemnt i 1753 og sat med garden til 1779. Då overtok sonen Nils Arnoldsen. Han var gm Barbro Prosdtr. Ved skiftet etter henne i 1789 blei eigedomen sett i 240 rd. Det var dsk etter Nils i 1797. Sonen Arne Nilsen overtok og løyste inn heile garden i 1803. Arne døde i 1808 og enka Grete Nilsdtr gifte seg oppatt med Rasmus Povelsen frå Amager. Ved sk etter Grete Nilsdtr i 1840 blei garden utlagd til dottera Barbro Arnesdtr. I 1844 fekk stefaren Rasmus Povelsen eigedomen for 852 spd. Han selde halvparten til svigeronen Salve Salvesen i 1848 for 400 spd. Nå bnr 4. Resten av eigedomen gjekk over til bnr 1, utan at ein kan sjå at dette er tinglyst.

#### *Gunner Thorsens bruk*

var det minste i Støle. Gunner kjøpte  $\frac{1}{2}$  hud i 1753 for 66 rd. Etter at Gunner var død i 1761 sat enka Karen Romundsdr med eigedomen til 1778. Eigedomen gjekk då over til dottera Guri Gundersdtr gm Ole Andersen Birkedal. Dotter deira, Targer Olsdtr, var gm Jens Olsen Hesthagen<sup>3</sup> og han kjøpte bruket i 1787 for 270 rd. I 1833 gjekk bruket over til eldste sonen, den kjende skipsbyggaren Thor Jensen Støle. Bruket hadde lnr 11. Til dette

er lagt lnr 12 a, også 6 ksk, og som nemnt noe frå lnr 13, det gamle hovedbruket. Det har bruksnamnet Alsand, som er nemnt første gong i 1793 då Torgrim Tellefsen sel til lensmann Jens Brøndom «en husetomt og haugeplads kaldet Alsanden». Torgrim er elles nemnt Torgrim Tellefsen Alsand. Han vigde 1783 med Astri Gundersdtr Støle, ei søster av Targerd som var gm Jens Olsen. Me veit ikkje kor lenge Jens Brøndom hadde denne husetomta. Han budde i Strandfjorden. Alsand blei nok kjøpt tilbake, utan at dette er tinglyst. Og der kom så husa på bnr 1 til å bli reist.

Som me har set er Støle blitt mykje oppdelt, som det går fram av det summariske oversyn som er gitt. Me skal sjå litt nærare på dei enkelte bruk.

#### *Bnr 1 Alsand.*

Thor Jensen sat med dei gamle lnr 11 og 12 a, hver på 6 ksk. Han hadde også 13 a på  $\frac{3}{4}$  ksk. I 1862 makeskifte han med Gunhild Nilsdtr Indtjore, enke etter broren Johannes Jensen. Thor fekk eit hus som Ole Jensen hadde hatt for 250 spd og dessutan 1000 spd i mellomlag for jordegodset i Støle på 1 hud  $\frac{3}{4}$  ksk. Garden gjekk ved skifte etter Johannes Jensen og Gunhild Nilsdtr i 1865 til sonen Ole Christian. Ole Christian Johannesen var skipper og gardbrukar. Ved ft i 1875 var han i England. På garden fødte dei då 4 kyr og hest, 1 ungdyr og 2 sauer. Sådde  $\frac{1}{4}$  tn kveite,  $\frac{1}{2}$  tn bygg.

Ole Christian var gm Berthe Sofie Amundsen Tjore. Ho fekk uskiftebevilling i 1878 og sat med garden heilt til 1910, då sonen Johannes Alsand overtok for 10 000 kr. (bnr 1-2-3). I 1917 overtok han bnr 7-8 for 4500 kr. I 1933 skj han eigedomane over til sonen Ole Christian Alsand for 12 000 kr. på nærare fastsette vilkår.



*Alsand med utsyn over øygarden utanfor Støle.*

Alsand har nå 28 dekar dyrka mark og 500 dekar produktiv skog. Sætehus i 2 høgder bygd ikr. 1830, uthus 1871.

Bnr 1 har skyld mk 2.85 etter fråsal, bnr 2 mk 1.23 og bnr 3 mk 0.48.

*Fråskilde bruk og parsellar.*

Bnr 1 hadde skyld mk 5.00. Desse bnr er fråseld:

*Bnr 12 Kjerene* skyld mk 0.59 kjøpte Karl Johan Andersen i 1909 for 2500 kr. Med i kjøpet var og bnr 13, sk 16 øre, som Johannes Alsand selde frå bnr 2. Gjekk i 1937 over til Nils Andersen for 4800 kr. Eigedomen har 12 dekar dyrka jord. Sætehus bygd ca. 1850, uthus 1914. Frå bnr 12 er 1947 fråseld bnr 28-29

*Solknatten*, av skyld 3 øre, eigar Karen Holtung. Frå bnr 13 blei i 1952 fråskild bnr 30 Bjørkheim, som Andrea Jørgensen kjøpte for 100 kr. Ho bygde der i 1953.

*Bnr 16 Høikjær* blei utskild frå bnr 1-2-3 i 1923, av skyld 30 øre. Denne eigedomen saman med *Krogekjær*, bnr 15, av sk 25 øre, som var utskild frå bnr 7-8, selde Johannes Alsand i 1925 til Ole Nilsen Nesvold for 3000 kr. Michael Kaurin kjøpte Krogekjær og Høikjær i 1955 for 4000 kr.

Ved salet i 1933 blei fråskild parsellen *Ruhaven*, bnr 20, av skyld 60 øre. Johannes Alsand selde i 1946 frå bnr 27 *Ruhaven ytre*, av skyld 15 øre, til Arnold Irgens Jacobsen for 800 kr.

Ved salet i 1933 hadde bnr 1 sk mk 3.51. Sidan er fråskild:

*Bnr 24 Saltøy.* Olafr Havrevold kjøpte egedomen i 1942 for 4500 kr. Egedomen gjekk i 1953 over til Gøril Havrevold.

*Bnr 25 Grobo* av sk 11 øre kjøpte Magne Benestad i 1943 for 2000 kr.

*Bnr 26 Sommerro* av skyld 10 øre kjøpte Olav K. Myhren i 1943 for 500 kr. Han selde i 1947 til Kåre Helland Hanssen for 4600 kr.

#### *Bnr 4*

var på  $\frac{1}{2}$  hud eller halvparten av egedomen som Arnold Hansen Støle hadde. Salve Salvesen som var frå Ringskleiv<sup>4</sup> var gm Anne Elisabeth Rasmusdtr Støle. Han kjøpte dei 6 ksk av Rasmus Paulsen i 1848 for 400 spd. Ved sk etter Salve i 1850 blei Anne Elisabeth utlagd egedomen for 500 spd. I 1858 selde ho frå bnr 5, Eieskjær, til Salve Christoffersen,<sup>5</sup>  $1\frac{6}{7}$  ksk, for 200 spd. Det var då att  $4\frac{1}{7}$  ksk, ny skyld mk 1.17. Egedomen gjekk i 1871 over til sonen Salve Andreas Salvesen for 600 spd. Salve Salvesens enke selde i 1919 til Ole Edvardsen Molland for 9000 kr. Bruket har 7 dekar dyrka mark og 30 dekar skog. Sætehus i  $1\frac{1}{2}$  høgd. Eigiar nå er Kristine Edvardsen, enke etter Ole Edvardsen. Kristine er dotter av Gusta og Lars Dokkedal.<sup>6</sup>

Frå bnr 4, som har restskyld mk 0.52, er fråskild

*Bnr 14 Elingsmyr* sk 50 øre. Johannes Alsand overtok denne egedomen som blei seld saman med bnr 1 m. v. til Ole Christian Alsand. I 1927 blei fråskild bnr 17, Støle brygge, som Johannes Alsand fekk skj på i 1938 for 100 kr.

*Bnr 32 Støleheia* av sk 9 øre kjøpte Ruth Hoftun Knutsen i 1956 for 4000 kr.

*Bnr 33 Støleheia* sk 5 øre kjøpte Birger Palm i 1956 for 4000 kr.

#### *Bnr 5-6 Eieskjær.*

Salve Christoffersen fekk i 1846 kjøp på eit lite stykke av Ola Aasuldsen, som hadde kjøpt tridjeparten av det gamle hovedbruket i Støle. Det var  $\frac{36}{55}$  ksk som han betalte 50 spd for. I 1858 fekk han som tidligare nemnt kjøp på eit stykke av Anne Elisabeth Rasmusdtr,  $1\frac{6}{7}$  ksk, som blei utskild frå det seinare bnr 4. Dette siste stykke fekk bnr 5, av skyld mk 0.68, det første bnr 6, sk mk 0.23. Egedomen gjekk i 1887 over til sonen Ole Kristian Salvesen. Så er det ikkje tinglyst noe før i 1928 då Samuel Teodor Salvesen ved Marie Salvesen skj egedomen over til Salve Nilsen for 4800 kr. Salve Martini Nilsen har og egedomen Nygård, Skoddet.

Eieskjær har 10 dekar dyrka jord og 11 dekar skog. Sætehus i  $1\frac{1}{2}$  høgd, modernisert 1947, uthus 1952.

I 1931 blei fråskild bnr 19, som Ole Nilsen Skoddet fekk i 1932 for 2000 kr. Skyld 30 øre. Eigiar nå Olaf Skoddet.

#### *Bnr 7-8.*

Rasmus Paulsen selde i 1850 halve bruket han hadde overtatt, 6 ksk, til Anders Andersen for 300 spd. Han selde til Ole Sivertsen i 1853 for same sumen. Bruket gjekk i 1855 over til Karen Jensdtr, enke etter Ole Sivertsen. I 1875 overtok sonen Jens Olsen, som i ft er nemnt som gardbrukar og skipstømmermann. Han døde i 1877, 47 år gl. Var gm Sofie Olsdtr Tjore, søskenbarn til Berthe Sofie, som var gm Ole Christian Alsand. Ved sk etter Jens Olsen og kona i 1917 gjekk bruket over til Johannes Alsand. Bnr 8, av skyld 3 øre, gjekk ut frå bnr 2 i 1872. Jens Olsen kjøpte for 9 spd. Bnr 7 har skyld mk 1.15, 7 dekar dyrka mark og 30 dekar skog. Egedomen gjekk i 1933 over til Ole Christian Alsand.

*Bnr 11 Nesvollkjerr* av skyld mk 0.42 blei

fråskild i 1893. Sofie Olsen selde til Peter Andreas Olsen Næsvold for 600 kr.

I 1923 blei fråskild Krogekjær, bnr 15, av skyld 25 øre, og i 1933 bnr 21, av skyld 1 øre.

*Bnr 9 Eieskjær.*

Thor Jensen Støle overtok 6 ksk av lnr 13. Halvparten selde han til Johannes Johnsen, som fekk skj i 1858 for 300 spd. Det blei bnr 9. Johannes var snekker og hadde budd i Skotteviga. Han var gm Aasille Tygesdtr, f i Eide 1827. Dei hadde mange born. Ein av sønene, Kristian Sevrin Johannesen f 1868, overtok bruket for 3000 kr. i 1921. Karl Martin Johansen Tjore, brorsonen, fekk bruket i 1947 for 7500 kr. Bnr 9 har skyld mk 1.09, har 16 dekar dyrka mark og 25 dekar skog.

*Bnr 10 Nesvollen.*

Thor Jensen Støle skilde i 1857 ut 2¼ ksk frå lnr 13 a. Han gav skj til Anders Chr. Andersen i 1858 for 200 spd. Anders er i ft 1875 oppført som gardbrukar og fiskar, f 1822 i L. Han var gm Maren Helene Olsdtr, som var frå Eide. Dei hadde ikkje born. Elevine Johanne Olsdtr fekk bruket etter Maren. I 1891 overdro ho eigedomen til Lars Jensen Solberg mot follaug. Lars selde same året til Peter Andreas Olsen for 2650 kr. Dødsbuett hans selde i 1903 til Ole Nilsen Tømmermyr for 2200 kr. Med i denne handel var og bnr 11 Nesvollskjerr, av sk mk 0.42. Ved sk etter kona

Kristine fekk Ole Nilsen utlagd eigedomen i 1920 for 8000 kr. Ole Nilsen Nesvold selde i 1941 bnr 10-11 og 15-16 til Reidar Berg for 15 000 kr.

Michael Kaurin kjøpte bnr 10 i 1943 for 9500 kr. og bnr 11 i 1944 for 2000 kr. Michael Kaurin skj i 1948 over eigedomane til kona Gunhild Kaurin for 58 500 kr. I 1955 kjøpte han av Reidar Berg bnr 15-16 for 4000 kroner.

Anders Kristian Andersen fødde i 1875 2 kyr på Nesvollen, dyrka noe korn og poteter. Eigedommen er nå sommarbustad.

Frå bnr 10 blei i 1930 utskild bnr 18, Vrakvik, av sk 1 øre, som Ole Nilsen selde til Oskar Ursin for 1500 kr. Oskar Ursin selde i 1956 til Gunhild Reidun Glatved for 45 000 kr. Parsellen Strandheim av skyld 6 øre, bnr 23, var med i denne handelen. Parsellen utskild frå bnr 10 i 1940. Oskar Ursin fekk skj i 1955 for 50 kr.

I 1938 blei fråskild bnr 22 Utnes av sk 2 øre som Edv. Underhaug kjøpte av Ole Nilsen for 600 kr. Han selde i 1943 til Christian Keyser Kaurin for 8000 kr.

MERKNADER

1. Sjå Tjore-ætta.
2. « Inntjore-ætta II.
3. « Hesthagen-ætta.
4. « Hørte-ætta.
5. « Koveland-ætta.
6. « Lauvrak-ætta.



## STRANDFJORDEN

Gnr 5

Strandfjorden er Landviks naturlige hamn og var ein gong «ladested». Og her budde det handelsmenn i alle fall på 1600-talet og noe seinare.

Når ein sigler inn Strandfjorden — eller Strømsfjord som dei lenge skreiv — og kjem inn om Alsand, vider fjorden seg ut til ei sikker og trygg hamn. På austsida av fjorden, der landet stig brattare opp enn på vestsida, ligg garden Strandfjorden som ein gong var plass under Støle, men matrikulert som eige gardsnr i matrikkelen 1838.

Namnet Strandfjorden femner vidare enn til den vesle matrikkelgarden av same namn. På Tjore-sida ligg den nedlagde garden Tjorestrand, lenger inne Hegdekjerr der det for eit par mannsaldrar sidan blei dreve stort skipsbyggeri. Lengst inne låg Dammen der det gjennom eit par hundre år var ei bygdemølle med eigen møllar. Det var elles fleire plassar ved fjorden. På Tjoresida nokso langt ute, ligg Steinsmoen, ein plass under Tjore, men nå ikkje busett, vidare Skotteviga.

Inn fjorden her sigla skottar og hollendarar ein gong i tida og tok inn trelast. At dei au hadde føring med seg, er vel sikkert nok. Ved Kromannsodden var det etter tradisjonen ei kro i den tid hollendarane fór her.<sup>1</sup> Sidan kom

farten på Danmark. Den som først budde på plassen Amager må vel ha vore ein danske.

Strandfjorden er nemnt i tollrekneskapane for Nedenes m. a. i 1601. I 1640-åra ser me at lensmann Arne Hafstad har vore «lastens angiver i Strømsfjord» og for det fekk han ei rettelig god betaling.

I desse åra møter me namnet *Søfren Hansen*, første gong i 1633. Han budde trulig der garden Strandfjorden nå ligg. Handelen han dreiv måtte ikkje vere så liten, for i 1644 betalar han heile 10 rd i landskatt og tiend. Me kjenner litt til handelen hans frå ei rettssak i 1642. Han hadde gjennom sin svoger Tomas Pedersen som var ridefogd på Børglum kloster i Vendssysel, fått sendt opp 42 tønner korn. Kornet blei sendt med ei skute frå Oksefjorden (Tvedestrandsfjorden). Ordren var at kornet skulle leverast til Søfren Hansen i Strandfjorden, men «om han blir af vinden forsat» kunne kornet seljast der dei kom inn om dei ikkje kunne få lasta til Strandfjorden «uden bekostring med ny fragt». Dette var i slutten av oktober, og om det var hauststormane eller ikkje som gjorde det, skuta kom ikkje til Strandfjorden, men til Oksefjorden der skuta hørde heime. Det var ein danske som skulle reise opp med kornet, og han gjekk i gang med å selje det, men to

borgarar av Kristiansand som budde i Risør, fekk greie på trafikken og fekk stoppa salget. Det blei rettssak like etter. Kongen blei tildømt halve lasta,  $\frac{1}{4}$  skulle gå til de fattige — og så skulle dei to påpasselige borgarane dele resten. Dette var sjølsagt eit stort tap for Søfren Hansen. Han appellerte til lagmannen som underkjende domen. Men denne saka blei nok ikkje gløymt av borgarane. Eit par år etter blir Søfren Hansen dømt til ei bot på 16 rd, 5—6 kuverd den gongen, for at han ikkje hadde fylgd kongebodet om at alle som dreiv handel på Agder skulle flytte til Kristiansand.<sup>2</sup>

Me får au opplysingar om Søfren Hansen av Landkom. 1661. Han er der oppført under «Strandsiddere noget handel». Det heiter: Søfren Hanssøn boende udi Strømfjord angaff: 1. Hans iboende huuse verdie 70 dr. 2. Haffuer en 4 lester dregtig schude, huilket med andet hans middel og formue vil aflegges til hans giæld at betale. 3. Haffuer en saug kalldis Stisbro saug, ligendis  $1\frac{1}{2}$  miil her fra med meget besverlig vei, med stor besvering at faa tømmer til samme saug.

At han dreiv med trelasthandel, veit me og av andre kjelder. I 1670 vil enka hans, Ingeborg Jensdtr, betale gjeld med bjelker. Søfren Hansen som var 60 år etter prestemt 1664, må trulig vere død kring 1669. I 1668 er han nemnt som husmann under Støle. Den andre husmannen er Jens Amager, eller Jens Vrolsen, som au var strandsittar og dreiv «jegtehandel og vandel at bruge uden undertiden om aaret reyser over til Judland og sig tilforhandler huis han til hus fornødenhed behøver, og ellers sig nærer og opholder som en anden fattig strandsidder. Hans iboende huse verdi 60 rd, alt andet hans visse formue 20 rd».

Jens Vrolsen høyrer me ikkje meir til. Søfren Hansen hadde sønene Daniel 22 og Christen 20 år i 1664. Peder Søfrensen som i 1656—57 er nemnt som «skipper af Strømsfjord» var

og heilt sikkert ein av sønene. Han kom til Nærebø og blei gm Femja Henriksdotter Friis.<sup>3</sup>

I 1710 dør Laurits Nilsen Strømfjord, 72 år gl. Han var 1. g. gm Åse Sørensdtr. Ho var dotter av Søfren Hansen. Dei hadde borna Jesper som var 35 år og Anne 33 år ved sk i 1704. Lars åtte 272 rd ved sk. Husa var verdsett for 100 rd. Etter Aase Sørensdtr hadde det vore sk i 1675. Det blir i skiftet opplyst at Gunder Terkildsen og Anders Pedersen Nærebø er gift med søskenborn av mor til Jesper og Anne. Dette må vere feil. Dei må vere søskenborn til Jesper og Anne.

Laurits Nilsen hadde trulig halde fram med handelen som svigerfaren Søfren Hansen hadde dreve i Strandfjorden. I 1673 var han fører av «Justitia», ei skute på 28 lester, og trulig parteigar. Sonen Jesper Larsen var og handelsmann, det ser me av ei sak med Peder Larsen Brinch i Arendal i 1704. Jesper er då stemna for gjeld 135 rd for varer han har fått, m. a. korn, mjøl, tobakk, humle og 1 dusin «piber», og så mykje hadde han nok ikkje kjøpt utan at det var handel han dreiv. Jesper har levert m. a. 3 kjølsvin for 22 rd og 6 tlt «Sitters» (del av spant) a 8 rd, tilsaman 70 rd. Vidare har han ved Lunden 2 t gode eikebjelker og 1 t «oplenninger», og ved Landvigvatnet 1 «egebånd». . . . den øvrige rest haaber jeg til vaaren fornøielig at afbetale hvis Sr. Brinch vilde forunde mig Dilation forestaaende vinter ofver, skriv Jesper. Men det ville nok ikkje Brinchen. Jesper blir dømt til å betale resten. Brinch la elles fram ein attest frå skipstømmermennene om «kjølsvildene» som var brukt til hans nye skip . . . og befandtes deraf tvende støker hver 28 fod lange og 2 fod brede, var dog meget raadet udi den ene ende, heiter det. Desse blei sett i 8 rd. pr. stk. Den tridje kjølen var 33 fot lang og 21 tomar brei . . . var dog udøktig til kjølsvild. Blei brukt som bjelke og verdsett for 6 rd. Jesper Larsen

var ungar i 1701 og i rettssaka 1704 er det siste gong me høyrer gjete han, så han flytter nok frå. Det gjekk vel ikkje så bra med handelen.

Nye folk kjem til. I 1713 dør Elling Jonsen Strømfjord 78 år gl., og i 1720 kona Ane Brynildsdtr 70 år. Sonen Lars f ca. 1681, var gm Karen Arentsdr og dei budde i Strandfjorden. Ved sk etter foreldra i 1722 er plassen oppført under Støle, så dei budde trulig der som garden Strandfjorden nå er. Dei hadde 2 kyr, 3 geiter og 1 «saug». Lars hadde 3 søstre. Anne var i 1722 gm Hans Nielsen, boende straks ved Christiania. Kari 36 år og Ellen 34 år blei noe etter gifte, den første med Tore Olsen Gurebo som kom til Jåvoll, Ellen med Jens Thoresen Grømstad som kom til Strandfjorden. Ikkje etterkomarar.

Lars Ellingsen døde i 1755. Lars og Karen hadde ein son Elling, som gifte seg med ei enke i Sperreviga i Ø og flytta dit. Den eldste av døtrene, Anne, f 1728, var gm Jens Aslaksen Aagre. Mange etterkomarar.

Nå kom det Aagre-folk til Strandfjorden. Halvor Aslaksen, ein bror til Jens Aslaksen, bleiv ved Soknedal nyttårsbel 1769 saman med svogeren Christoffer Stenersen Strømsfjord som var gm Maren Aslaksdr Aagre.

#### *Strandfjorden som lensmannsgard.*

Maren Aslaksdr sat nokre år som enke i Strandfjorden, men i 1773 vigde ho med Jens Christensen Brøndum, ein danske som kom hit og blei lensmann i Landvik. Han døde 1806, 68 år gamal og var såleis f ikr. 1740. Under Lofthus-saka blei det reist klage mot han for å ha teke for høge sportlar og «ubillige skyds- penge». Han kom for retten, men blei frikjend ved dom i 1791. Klagarane måtte betale 55 rd til saksutlegg.

Etter tradisjonen er det Jens Brøndum som har bygd husa som ennå står i Strandfjorden.



*Den gamle lensmannsgarden Strandfjorden.  
(Fot. 1960 Tv.)*

Sætehuset er i 2 høgder og enkelt breie, men med tilbygd gang av bindingsverk langs heile huset. Det er tri rom på rad, i første høgde stove, mellomstove og kjøken. I 2. høgde er det tri rom tilsvarande dei i 1. høgde. Desse hus står på bnr 1. På bnr 2 like ovanfor er det og gamle hus, truleg plassen Amager. Uthuset er av eldgamal type, ein lang tømra bygning, fjøs, skåle, løe, låve og så atter ei løe (kornløe). Roma er skild med tømmervegger til mønet. Dessverre er denne bygningen nå mest til nedfalls.

Jens Brøndum har laga eit «sialemandtal» i 1792 med oppgave over utsåd og avling i Landvik. Han sådde  $\frac{3}{8}$  tn rug med avling  $2\frac{1}{4}$  tn,  $\frac{1}{4}$  tn bygg ( $1\frac{1}{2}$ ), og sette  $\frac{1}{8}$  tn poteter med avling  $\frac{3}{4}$  tn. Elles er det som nemnt ingen stor jordveg til Strandfjorden. Matr.kom. 1867 gjev opp 13 mål dyrka jord, «bakked, men alminde- lig god leer- og sandjord». Utsåden blir oppgitt til  $\frac{1}{6}$  tn kveite med avling  $1\frac{1}{4}$  tn, og 2 tn poteter med avling 12 tn. To kyr. Havnegang: «Tiltrækkelig, særdeles beqvem». Ikkje nok skog til husbruk. I 1875 sår Ole Peder Hansen  $\frac{1}{8}$  tn kveite,  $\frac{1}{4}$  tn rug,  $\frac{1}{8}$  tn havre og set  $3\frac{1}{2}$  tn poteter. Før 1 ku.

Jens Brøndum døde som nemnt i 1806, men



Det gamle uthuset på garden.

(Fot. 1960 Tv.)

Maren Aslaksdtr blei buande i Strandfjorden, der ho døde i 1822, 84 år gl. Dei hadde ein son, Aslak Jensen Brøndum, som var sjømann. Han døde som styrmann i København.<sup>4</sup> Maren Kristine Jensdtr Brøndum f 1778, vigde i 1805 med Jørgen Munk d.y. frå Lia. Jørgen Munk hadde kjøpt Strandfjorden. Han står oppført som eigar i matr 1838, men når Strandfjorden blei utskild som eige bruk er ikkje funne. Jørgen Munk døde i Strandfjorden 1842. Dottera Anne Marie f 1815, vigde i 1839 med skipper Ole Peder Hansen frå Langesund, og Jørgen Munk flytta trulig med dei til Strandfjorden. Ole og Anne Marie hadde borna Maren Christine f 1841, g 1863 med Anton Amundsen Tjore, og Hanne Marie, f 1849, g 1870 med Bendix Karl Gerhard Olsen Støle. Der var og tri born som døde i yngre år. Anne Marie Jørgensdtr døde i 1853, bare 38 år gl. Ole Peder gifte seg oppatt i 1855 med Gusta Lovise Larsdtr Østerhus. Han var 42, ho 24 år. Dei fekk borna Hans Ludvig 56, Ole Martini 58-67, Harald 60, Lars Helmer 63, Helene 65, Ole Martini 69 og Dorteia 77.

Når dei flytte frå Strandfjorden er ikkje funne. Det var og er som nemnt to hus der. Det øvste var nok det som skipper Tellef

Aanonsen Lie Tiore hadde. Han døde 1817, og enka selde husa i 1824 til Christen Madsen Molland for 110 spd. Han var gm Maren Olsdtr Skoddet og dei budde der til 1856, då dei flytta til Fjære. Christian Madsen selde i 1875 husa til Ole Gundersen for 100 spd. Det var trulig desse husa som Georg Munk fekk auk-sjonsskjøte for i 1888 for 800 kr. I 1844 er tingl. skj frå Georg Munch og Lars Øvensen Inntjore som ervingar etter Jørgen Munk til Ole Peder Hansen «paa avd. eiende huse i Strandfjorden med beliggende plads Amager», av skyld 3 ort 14 sk, for 400 spd. Ved sk etter første kona blei Peder overdregen eidedomen for 650 spd. Hossen det vidare gjekk med eidedomen, er ikkje heilt klart. Ole Hansen står oppført som eigar i matr 1886. I matr 1905 står Even Gundersen som eigar, skyld mk 1.44. I 1906 gjev Even Gundersen skj ved-teke av N. Jacobsen Molland m. fl. til dottera Regine Gundersen for 2000 kr. I 1918 blir fråskild bnr 2 Øvre Strandfjord av skyld 1 øre. Same året sel Regina Gundersen bnr 1 til Nils Thomassen for 3900 kr. og bnr 2 for 400 kr. Han sel same året til Karl Hauge og Peder Stensvand for 8500 kr. I 1919 overtek Karl Hauge Stensvands halvpart for 5000 kr. og sel så året etter til Tobias Thomassen Grøm, eigaren nå, for 12 500 kr.

Ole Gundersen som kjøpte det øvre hus i Strandfjorden, står i 1875 oppført som husmann og skomakermester. Han var f i Landvik 1875 og gm Sille Sofie Osmundsdr, f i Eide 1842. Under Strandfjorden står elles oppført Svend Olsen, møller, f i Sverige 1832. Han budde på Dammen. Han var gm Maren Gunderdtr f i Landvik 1832. Dei hadde sønene Ole Sevrin f 1865 og Gustav Kristian f 1868.

Tobias Thomassen har gjeve desse opplysingane: På Dammen har det stått to beboel-seshus, et oppe ved mølla og et på kanalens

østside nede ved sjøen. Siste møller het Sven. Sven Damra kaldet fordi han snakket så mye om Damra (Dammen). Siste beboer i det nedre hus het Ole Berimellem, kona Johanne. Grunnmuren til dette hus ble brukt til forstøtningsmur langs kanalen.<sup>5</sup>

#### *Skipsbygging ved Strandfjorden.*

For snart 400 år sidan bygde kong Fredrich II eit skip i Strandfjorden, etter tradisjonen på Møllepynten.<sup>6</sup> Me veit dette av ei rettssak frå 1578. Borgermester i Skien Jørgen van Ansbach var medeigar i Strømsaa og klaga til Herredagen over skade som var gjort på fisket i åna ved at «den østre aae» var blitt rydda opp. Den illgjetne Erik Munk, Kongens embedsmand paa Nedines, som han blir kalla i saka, møtte . . . og berette at sligt var skeet der vor aller naadigst herris skib Sanct Oluff stod der udi byging paa det at høist bem. kongl. maj. tømmer des bedre og magligere kunde komme neder af landet og der igjennem.<sup>7</sup> Retten seier elles at det ikkje er godt å døma utan synfaring, og dei nemner opp Erich Brockenhus, Pros Lauritsen til Nørholm, Peder Iffuersen til Fresze (Fritsø) och forstandig mand Mogens Baardsen, laugmand paa Augdeside. Dei skal taka kjentmenn med og granske tilhøva på begge sider, skrive det ned så ein for ettertida kan veta hvem det er som har rettar der. Dom og avgjerd i denne saka kjem i 1585.

I åra framover veit me ikkje om det blei bygd skip i Strandfjorden, men Kristen Kjøbmand og seinare Thomas Fasting på Landvik bygde fleire mindre farty på Møllepynten. I 1780 bygde han brigantinen «Resolutionen» på 90 kom.lester (131 trelastlester). Dei skip Fasting bygde var visst ikkje av dei mest sterkbygde. Men klage møtte han med at det ikkje gjorde noe, «for de skulde jo bare seile paa blaude vandet, og gik de paa land, gik de istykker alligevel».<sup>8</sup>

Forutan på Møllepynten var det tri beddingar til ved Strandfjorden. I Alsand bygde Jens Olsen Støle og sonen Thor Jensen Støle, på Kromann dreiv Ole Hansen Skoddet og seinare Rasmus Skoddet, og ved Hegdekjerr på vestsida kom det ein større verv i 1874. Det var skipsreiar Jørgen Børresen i Grimstad som dreiv verven i lag med Tobias Salvesen Hegdekjerr. Her bygde dei i fellesskap barkane «Nordenskiold», «Nebo», «Polykarp», «Egra», «Snefrid», «Meran», «Spero» og «Marianne». Det var skip på 5—600 tonn. Det var framifrå gode skip Tobias Salvesen bygde. Ein av dei, barken «Polykarp», var ein skarpsiglar av rang.<sup>9</sup> Det blei slutt med bygginga i Hegdekjerr i 1898.

Av tingbøkene veit me elles at Jens Olsen Støle i 1804 bygde sluppen «Minerva» for Isac Leth i Arendal. Sluppen var 44 holl. fot og var på 21 trelast- eller 14 kommerselaster. I 1807 bygde han skonnerten «Christian Borg», 48 fot, 29½ trelastlester, for dansken Christian Terjesen Lundbye i Homborsund. I 1808—09 bygde han ei jakt, «De Tvende Brødre», for Knud Salvesen Levang og broren hans i Sannidal. Jakta var på 41 fot. I 1812—13 bygde Jens og sonen Thor Jensen sluppen «To søstre» for Nils Hansen i Kragerø. Sluppen var på 40 holl. fot, 20 trelastlester (13 kom.lester). Same året (1812) bygger Ole Hansen Skoddet og skipstømmermann Mads Danielsen Molland for eiga rekning ei jakt på «verven i Strandfjorden». Jakta var på 40 hollandske fot, men bare 6 trelastlester eller 4 kommerselaster. Det var ei av dei skutene som ikkje trong los ved sigling på Danmark.

I 1810—11 bygde skipsbyggmester Tellef Olsen Tjore (Krossvoll) ei skute på «skibsverven i Strandfjorden», trulig Tjorestrand. Det var ein galeas som fekk namnet «Hjelperen» og bygd for Aanon Aanonsen Tjore. «Hjelperen» var på 24 trelastlester (16 km.l.). I åra

1815—17 bygde Jens Olsen Støle 3 skip. I 1815 sluppen «Anne» på 23½ trelastlester (15 km.l.) for Jacob Paulsen Levang, Sannidal. Året etter bygde han sluppen «De Tvende Brødre» for Knud Salvesen Levang. Jakta som blei bygd i 1809 måtte dei vel ha mista. I 1817 bygde Jens jakta «Enighed» for Anders Iversen. Jakta var på 41 fot (16 trelastlester, 10 kom.l.). I 1818 bygde Thor Jensen jakta «Den Gode Hensigt», 38 fot, for Nicolai Jensen, Løkken, Danmark. Jørgen Wriqth i Langesund er eigar i 1844. I 1822—23 bygde Jens ein slupp på 45 fot for Peder Boiesen m. fl. i Risør.

Ole Hansen Skoddet og tømmermann Johan Nicolaisen Refsvig bygde i 1817—18 ein slupp på 21 hollandske fot «paa Mollands grund ved Strandfjorden».

I 1823—25 bygde Jens Olsen Støle sluppen «Johanne Gurine», 28 fot, 8 trelast-, 6 kom.l. Sluppen blei bygd for rekning av Jens Olsen Støle, som hadde ⅔, og sonen skipper Johannes Jensen. I 1828 bygde Jens ei jakt, «Christine», 42 fot, 21½ trelast-, 16½ kom.l. for Lars Michael Christensen i Kristiansand. I 1824 hadde Jens bygd ei jakt, «Prøven», på 31 fot for Lars Schibbye i Hjørring.

Ole Hansen Skoddet bygde i 1828 ei jakt på 24 holl. fot (8½ trelast-, 6½ kom.l.) for Christen Madsen og Daniel Nilsen i Strandfjorden. Jakta heite «Venerata» og blei sjøsett i mai 1829.

Thor Jensen Støle held fram med bygging av små skuter i Alsand. I 1847—48 bygde han såleis ei jakt, 38 fot, for ein kjøpmann i Løn-

strup, Hjørring tolldistrikt, og i 1848 ei jakt på 30 fot for Jens Aslaksen Gitmark og Henning Andersen Svennevig.

#### MERKNADER

1. Etter Tobias Thomassen Strandfjorden, som m. a. skriv: Av navn på gården skal jeg nevne fra Alsand bytte: Like ved byttet skal det være et «Sankt Olavs grep», men hvor vet jeg ikke. Så kommer Gullregnholla, så Lensmannsodden, så Brygga, så Møllepynnten og så til slutt Krapsti, som er en knapp vei der leder til «Kromanns», hvor der jo i hollendertiden var en kro.
2. Etter manuskript av fylkesarkivar O. A. Aalholm.
3. Peder Søfrensen og Femja Henriksdotter hadde tri døtre, som alle blei gifte. Mange etterkomarar i Landvik. Sjå Nærebø.
4. Etter A. Stensvand. I tingboka 1809 får me opplysning om at føringsbåten «Hesnæs» er tatt av fienden, og skipper Aslak Jensen Brøndum saman med båtsmann Matias Hansen møter i retten for å gje forklaring. Dei seier at dei ikkje hadde skyld i at båten blei teken, det har «enne været aarsaget av fiendtlig overmakt». Dei forklarer seg i samsvar med journalen, men kva denne går ut på får me ikkje vite. Vidare heiter det at dei var ombord på kutteren «Leveret» til 16. september. Då blei dei avlevert til kutteren «Urgent», som førde dei til Gøteborg 18. september. Frå Gøteborg «udrømte» dei og kom til Fredriksvern 30. i same månaden.
5. Om Dammen og plassane på vestsida av fjorden sjå under Tjore.
6. Etter Tobias Thomassen.
7. N. Herredagsdombok I s. 85.
8. Sjå Grimstad Bys Historie s. 509.
9. Giert Sailor (tollinspektør G. von der Lippe) har i Medlemsskrift nr. 14 for Selskapet for Grimstad Bys Vel gjeve ei oppglødd skildring av «Polykarp» som skarpseglar. «Polykarp» blei søkt av ein tysk ubåt 1917.

## BJORØYA

Gnr 6

Matrikelkommisjonen karakteriserer i 1867 Bjørøya slik: «En Øe ½ Mil fra Land ¾ Mil fra byen, beqvemt for fiskeri.» Og på Bjørøya som ligg ut for Strandfjorden, har det gjennom fleire hundre år budd fiskarar, losar og sjøfolk, men nå er det ingen som bur der fast lenger, bare i somartida bur det og ferdast folk der.

Jens Bieffuerøen er nemnt som husmann 1610—20, frå 1621 Christen. Det er truleg den same Christen Biorøe som er nemnt som husmann under Østerhus 1665. I åra 1649—52 betalar Matz Beffuerøe 1 dl i skatt som strand-sittar og husmann.

Bjørøya er serskilt matrikulert 1668 med skyld ¼ hud eller 1 gsk. Eigarar då er Dorte og Henrik Molland, Nils og Aanon Østerhus, Aanon og Tellef Tjore (som åtte Lia då), så det ser ut som Bjørøya opphavleg har lege i sameige mellom desse gardane. Brukarar i 1668 er Anne Madsdtr ½ gsk og Anne Christensdtr ½ gsk. Det heiter at dei kan så 3 fjerding, fø 3 naut og 4 «smaler». Ingen herlighed. Korn-tienden var 5 notting. Nøe større av dyrka jord har det nok aldri vore der. Matr.kom. 1867 gjev opp 9½ mål dyrka, middels jord på sand. Det er ikkje naturleg eng, ikkje utslåtter og ingen dyrkingsjord, men det heiter at dei kan fø 2 kyr og at «havnegangen er til-

strækkelig og særdeles beqvem». Utsåd ¼ tn kveite, ⅜ tn bygg og 1½ tn poteter. Men i 1875 har Knud Nilsen som då bur der, ikkje buskap og han sår ingenting.

I 1674 er Bjørøya gått over til Just Jacobsen Wolff på Molland, som eig øya til brukelig pant. Og i 1723 står «Mollands eiere» som eigarar av Bjørøya. Sår 6 skjepper, før 1 naut, 2 sauer. Men seinare ser me at også dei på Østerhus eig der. I 1799 fester Molland- og Østerhus-folk halve øya, 1½ ksk, til Lars Svendsen Bjørøya for 2½ rd året, og i 1835 sel dei på Molland og Østerhus Bjørøya til Aanon Ommundsen Bjørøen for 352 spd 1 sk. Aanon, som var av Kylland-ætta på Tjore, blei elles ikkje lenge på Bjørøya. Han flytta til Grimstad som kjøpmann og skreiv seg då Amundsen som dei fleste av slekta. I 1843 selde han til Ole Rasmussen Enge for 350 spd. Soneson til Ole Rasmussen, Olaus Olsen, selde i 1935 det meste av Bjørøya til kjøpmann Mathias P. Molland i Grimstad for 8000 kr.

Det er lite og ingenting me veit om folk på Bjørøya på slutten av 1600-talet. I 1692 har Anders Befverøen son Elling til dåpen, men denne Anders høyrer me ikkje meir til. I 1693 sel Stian Gundersen Bjørøen jord i Vatne i V. Moland. I 1699 har Torkild Biorøen sonen

Aanon til dåpen. Seinare nemnt Terkel Aanonsen. Han er av den gamle ætta på Østerhus, og ei ætt etter han heldt seg to generasjonar på Bjørøya.<sup>1</sup>

Terkel Aanonsen var f ikr. 1658 og gm Karen Aanonsdr. Dei hadde ei dotter Rannei, som var 35 år i 1730, og sønene Ole, Aanon og Sven. Ole gifte seg til Støle og flytta dit. Aanon gifte seg og budde på Bjørøya til sin død 1756. Den yngste av sønene, Svend f 1701, budde og på Bjørøya til sin død i 1777. Han var gm Guri Aanonsdr Haaøya. Ein av sønene var Lars Svendsen, som er nemnt tidligare som festar av halve Bjørøya. Han var gardbrukar og los i 1801. Ei søster, Anne Kirstine f 1746, gifte seg i 1774 med Jakob Olsen Østerhus og dei slo seg til på Bjørøya. Borna etter Aanon høyrer me ikkje meir til, så dei flytta trulig ut. Det var ikkje noko att etter Aanon. Og det var ikkje stort han åtte. Han hadde m. a. halvparten i eit laksegarn for 1 dl og ½ i eit vad 2 rd ved sk 1756. Faren, Terkel Aanonsen, hadde sete godt i det. Det var 97 rd netto ved sk etter han og kona i 1730. Svend Terkelsen var einaste åsittar i 1766. Han sat godt i det, i motsetnad til broren. Ved sk etter Guri Aanonsdr i 1767 åtte han 185 rd brutto, netto 173 rd etter at skiftekostnaden var gått frå. Dessutan 3 ksk i Jåvoll. Guri var av Dolholtætt. Husa var verdsett til 90 rd. Det heiter: Huserne bestaar av en stue med skaarsten og et avdelt kaave, og ovenover et loft uden indredning og ildsted.» Det er også fehus, løe og låve, alt tekt med tegl. Sætehuset bordkledd. Buskapen er 2 kyr. Det var ein del sølv i buet, men det meste av dette tok skrivaren for skiftet.

Lars Svendsen Bjørøya og Jakob Olsen Østerhus, han som sidan blei svogeren hans og kom til Bjørøya, måtte i 1761 gå med på å betale 20 rd til Nils Gjerulsen Tjore «for den uleilighed de som med citantens skib farende søefolk har bragt hannem ved uløves at medbringe con-

trabande vahre af the til Engeland.» Dei betalte ikkje og saka kom for retten i 1766. Far til Lars hadde tidligare møtt i retten og lagt fram attest om at sonen var under 20 år, men det nytta ikkje. Dei blir dømt til å betale. Lars var f ikring 1741 og gm Marthe Nilsdr, visstnok frå Omre i Eide. Dei hadde 1 son og 5 døtre i 1792 då Lars brukte halve Bjørøya. Han sår ½ tn bygg og avler 2 tn. Det same gjer svogeren Jacob Olsen og kona. Dei har 2 søner og 1 dotter. Jacob er ikkje på Bjørøya i 1801. Lars er då los, som tidligare nemnt. Han døde i 1808. Marthe Nilsdr levde 1835. Ho gav opp til skifte i 1834. Tri av døtrene var gifte. Dottera Anne Kistine f 1788 fekk utlagd husa for 130 spd. Broren Svend som var f 1777, er ikkje nemnt i skiftet, så han må vere død utan arvingar.

Bjørøya blei som nemnt selt i 1835. Anne Kistine flytta nok frå etter at mora var død. Grunneigarane på Molland og Østerhus overtok vel då huset, for det er ikkje serskilt nemnt ved salget til Aanon Ommundsen.

Ole Rasmussen Enge som kjøpte i 1843 var f 1798 og døde 1880. Han var gm Boel Kristine Envoldsdr f 1798, død 1873. Ole Rasmussen Enge gav i 1849 s'kj til sonen Envold Olsen «paa nyt opført hus med tomt samt div. løsøre for 200 spd.» Ole hadde fleire døtre.<sup>2</sup> Rennild Tomine vigde i 1859 med Knud Nilsen Udvig frå Avaldsnes, Anne Kirstine i 1862 med styrmann Jens Ommundsen Kjekstad, men han døde året etter bare 25 år gl. Då så Knud Nilsen blei enkemann i 1865 gifte Anne Kirstine og Knud seg i 1866. Knud hadde dottera Betsy Kristine med første kona. Ho blei gm styrmann Kristian Gunleifsen frå Espevig, f 1849. Til Bjørøya.

Før Ole Rasmussen døde i 1880, skifte han ut eit stykke til svigersonen Knud Nilsen, *bnr* 2 *Nordjordet* av skyld 3 øre. Knud fekk skifteskjøte i 1881 for 40 spd. Eigedommen blei i



1894 utlagd til enka Anne Kristine for 1800 kr. I 1895 selde ho ein parsel, skyldsett for 1 øre, til Kristian Gunleifsen. I 1916 selde ho Nordjordet bnr 2 til sonen Severin Knudsen for 1350 kr.

Envold, eller Engvald, Olsen fekk utlagd hovedbruket ved sk etter foreldra i 1882, for 2600 kr. Engvald var styrmann, seinare skipper. Han var gm Anne Kirstine Olsdtr Skoddet, og dei budde på Bjørøya i 1875. Engvald Olsen døde 1886. Anne Kirstine sat så med bruket til 1898, då sonen Olaus Olsen overtok for 3000 kr. Etter at parsellane Østre Hasvold og Lillemoen var fråskild i 1934 selde Olaus Olsen bnr 1, som tidligare nemnt, til Mathias P. Molland.

Bnr 1 hadde ved salget i 1935 sk mk 1.70. Mathias Molland skilde frå bnr 6 Maryland, som fru Mary Bech fekk skj på i 1949 for 450 kr. Nils Astrup kjøpte i 1951 for 650 kr.

I 1943 blei fråskild bnr 7 Kjørvikodde, av skyld 30 øre. Agnes Bjørø Amundsen fekk hei-

mel til denne eignedomen ifølge skifteskjøte.

Same året fråseld bnr 9 Mortensviga, av sk 15 øre, som Ragnar Hoff kjøpte for 12 000 kr.

I 1951 fråskild bnr 12 Øybo til John Bugge som gave, skyld 12 øre, verdi 3000 kr. I 1954 fråseld bnr 14 Mastevoll til Carl Tellefsen for 1000 kr., og i 1956 bnr 16 Soleglad til Tordis Johnsen for 2000 kr. Det er og fråskild 3 andre bnr som Mathias P. Molland står som eigar av (1956), utanom bnr 1 som har restskyld mk 0.86.

Agnes Bjørø Amundsen har frå bnr 7 seld frå bnr 8 Lyngvin av skyld 10 øre. Jan Herman Linge kjøpte i 1943 for 1500 kr. Vidare er fråseld bnr 10 Solhei, som Sverre Kielland fekk i 1947 for 3500 kr. Bnr 11 Kjørvikhei kjøpte Nils Glatved i 1946 for 1800 kr.

#### MERKNADER

1. Sjå Tjore-ætta.
2. Sjå Enge-ætta, Bjørøya.

---

## HAAØYA

Gnr 7

På Haaøya, . . . en Øe ½ Mil fra Land ⅝ Mil fra Grimstad, som det står i oppgavene frå Matr.kommisjonen i 1867, budde det 43 menneske med vaksne og born i 1875. Dei var losar dei fleste av familieforsytarane og så dreiv dei litt gardsbruk og fiske. Nå er det ingen los som står ved losvaren lenger og speider etter skip som siglar inn mot Grosefjorden, ingen er bufast der. Haaøya er blitt ferieøy som fleire andre av øyane i den sørlandske skjergarden.

Første gong me finn Haaøya nemnt er i koppskatten 1645. Då bur på Hoffueøen: Christen og hans quinde, en søn, en daater. Peder og hans quinde og en pige. I 1657 betalar Peder Hofføen 2 ort 5 sk i kvegskatt. 1661: Hofføen 1 hud. Bent Quegsøe eyer ½ hud, bedstemand. Aanon Færvigs arvinger eyer ½ hud, besiddes av Peder Christensen.

1664: Hawøen 1 hud. Christen Jensen 76 år, Peder Christensen 52 år, Nils Christensen 39 år. I matr 1668 blir skyldet sett ned til ½ hud. Peder er då brukar. «Ingen herlighed nær fiskeri af havet.» Sår 1 tn, før 4 naut og 6 smaler.

I 1701 finn me på Haaøya: Elling Svendsen 53 år, med sønene Peder, Christen og Anders. Det ser såleis ut til at det er komne nye folk. Elling Haaøen er første gong nemnt i 1693 då

han har sonen Anders til dåpen. Same året dør Marite, sl. Peder Haaøens enke, 81 år. Elling Svendsen døde i 1708. Han var gm Sophie Pedersdtr, som me må gå ut frå var dotter av Peder Christensen. Forutan dei tri sønene som er nemnt hadde dei ei dotter som var gm Aanon Aanonsen Dolholt. Dei budde på Haaøya.

Elling sat godt i det. Skiftet synte ein netto på 171 rd, og så åtte han Haaøya som han hadde kjøpt av Ellef Christensen på Landvig same året. Det heiter i skiftet at Elling attåt dei gamle husa på Haaøya som han sjøl har budd i, . . . har ladet opsætte paa Haaøen et stuehus tvende huus høit. Der bur nå sonen Peder. Elling har kosta tømmer og muring av skorstein, tegl på toka og . . . huusets oppbyggelse og lafternes læggelse. Kostnaden blir sett til 30 rd. Utstyret som er nemnt syner at det var ein velstands heim dei hadde. Av krøter hadde dei 3 kyr, 1 kvie og 1 stut. Det er nemnt 1 båt med gl. segl, verdsett for 7 rd. Eit laksevad 8 rd.

Sophie Pedersdotter var av gamal ætt på Haaøya. Det får me vite i ei åstadssak i 1716. Der møter Sophie Pedersdtr som vitne og seier at ho «med sine forfædre alt sin tid mand efter anden hidindtil hafde boet her paa Haaøen, samt brugt og oprødet den fra første tid, og

er det nu den femte mand af hindes afkom som boer og haver boet derpaa.»

Etter dette må det vere far til Christen Jensen, han som var 76 år i 1664, som busette seg på Haaøya. Det må vel ha vore kring 1560. Og etterkomarar etter denne Jens på Haaøya, har dei vore mest alle som kom til å bu der ned gjennom tidene.<sup>1</sup> I 1723 er det dei tri sønene til Elling Svendsen og Sophie Pedersdtr som er brukarar saman med svogeren Aanon Aanonsen. Det heiter at dei kan så 1 tn 4 skj og fø 3 naut, så stor jordvegen var det ikkje, men dei dreiv fiske og dei var losar alle fire.

Peder Ellingsen sat godt i det, som faren hadde gjort. Ved sk etter kona i 1729 eig han for 161 rd og har ikkje gjeld. Buskapen er 2 kyr og 1 årsgamal kalv. Brørne dreiv nok fiske saman, for Peder hadde halvparten i eit laksevad,  $\frac{1}{4}$  i eit koljevad og halvparten i eit gamalt laksegarn. Broren Anders er det sk etter i 1735. Då åtte han for 181 rd. Av dette var  $1\frac{5}{7}$  ksk i Haaøya med hus verdsett for 50 rd. Av jernvarer er her nemnt kakelomn verdsett for 6 rd. Det som elles er rekna opp, vitnar om solid velstand også i dette huset. Dei hadde 3 kyr, så det måtte ikkje vere så lite buskap på Haaøya den gongen. Anders Ellingsen døde i 1733, 40 år gl, og blei gravlagd same dag som mora Sophie Pedersdtr, som blei nærpå 89 år.

Aanon Aanonsen er det sk etter i 1747. Aanon og Karen Ellingsdtr hadde 6 døtre. Ei av dei, Rannei, blei gm sitt søskenbarn Elling Pedersen. Aanon hadde netto for 186 rd. Dessutan  $\frac{6}{7}$  ksk i Haaøya som han hadde fått med kona, og 3 ksk i Jaavoll, som var gamalt Dolholtgods. Av eiga er hus ført opp med 90 rd. Det heiter: Huserne angaaende da er samme bestaaende av en stue med jernkakelovn, et skab med slaugbænk under, tillige med 5 senge-stæder som er naglefaste i huset.

Christen Ellingsen som det var sk etter i 1741 hadde 8 born. Broren Peder hadde 7 og

Anders 5. Så det auka på med folk der ute på Haaøya. Christen hadde bygd seg hus i 2 høgder, får me vete i skiftet. Jord med hus var verdsett for 80 rd. Heile nettoen var 164 rd.

I 1766 bur det 21 vaksne på Haaøya, i 1792 er det i alt 25 med vaksne og barn, i 1801 er folketalet 37.

Då det var same ætteopphavet til mest alle som kom til å bu på Haaøya på 1700-talet, kan det etter hvert bli litt vanskelig å vete hvem er hvem. For dei same namna går att. I 1784 gifter Aanon Ellingsen seg med Malene Andersdtr Jortveit. Året etter er det også ein Aanon Ellingsen som gifter seg. Problemet får me først løyst ved ft 1801, fordi begge Aanon'ane har ugifte søstre heime! Maren Ellingsdtr, som er søster til Aanon Ellingsen gm Malene Andersdtr, er dotter av Elling Andersen, Lisbeth som er søster til den andre Aanon'en, veit me er dotter til Elling Pedersen. Same problemet har me seinare. Aanon Ellingsen d i 1813 — og i 1818! Men nå står det i kb at Malene Andersdtr d i 1817 — som pensjonist. Fylgjeleg må ho vere kona til Aanon som døde i 1813, og Aanon som døde i 1818 er då mannen til Maren Jacobsdtr som døde i 1805.

På 1700-talet er det også karar som gifter seg til og set bu på Haaøya, som Elling Svendsen på slutten av 1600-talet. Såleis er Sophie Pedersdtr f ca. 1715 og dotter av Peder Ellingsen, i 1755 gm Jens Christensen Holvig. Dei busette seg på Haaøya og Jens blei losoldermann. Sonesonen hans var Svend Hansen Haaøy, som var ein god kjenning av Ibsen den tid han var i Grimstad.<sup>2</sup>

#### *Eit ulykkesår.*

Mange av dei som budde på Haaøya kom bort på sjøen. Lange ventedagar og våkenetter har nok konene på Haaøya hatt når mann og søner var ute i åpne losbåtar, som dei hadde den gongen. Året 1794 blei det store ulykkes-

året. Då kom det bort 8 mann som hørde heime på Haaøya. Den 26. januar sigla losen Svenke Ellingsen ut og kom ikkje att. Fjorten dagar etter, 14. februar, bleiv broren Lars «ved en ulykkelig hændelse paa Grosefjord». Han blei 37 år. Ved same ulykka bleiv Nils Johnsen 52 år og einaste sonen hans, Johannes Nilsen 21 år. Han fann dei død i båten. Nils Johnsen var ein tilflyttar, var frå garden Sverdalen i Vanse, men gift på Haaøya. I november same året kjem det siste og største ulykkesbodet. Då bleiv losen Lars Jensen, og saman med han Jacob Olsen, Aanon Jacobsen og den 20 år gamle Christen Andersen. Jacob Olsen var au ein tilflyttar, gm Anne Svendsdtr Haaøy. Ulykka hende mellom Brægen og Haaøya 18. november.

#### *I krigstida 1807—14.*

I naudsåra 1807—14 var det karar frå Haaøy som våga seg over til Danmark for å hente korn. Karl O. Knutson fortel etter Peter Matiasen Haaø:<sup>3</sup>

«Svend Hanssen, Peder Larssen og Anders Pedersen, alle av Haaø ved Grimstad, blev paa hjemtur med korn fra Danmark opbragt av engelskmanden. Svend, som var gift, fik lov at reise hjem med baaten, mens kornet blev tat ombord og nyttet til fôr for engelskmandens høns og gjæs. Peder og Anders kom ombord i fangeskipet «Niger» i Portsmouth, hvor Anders i sine fristunder fik anledning til at „øve sig i kartudregning”. En av Anders meget sirlig skreven regnebok eksisterer endnu . . .

Efter sin hjemkomst fra prisonen, gik Anders Pedersen bort under bording af et skib. Det skulde være stedets første dækslodsbaat han dengang stod ombord i som lods.

Prisonlivet hadde øiensynlig tat sterkt paa Peder. Han var blit indesluttet og stille. Ungdommen paa Haaø fik aldrig mere lov at fange

fugl. Han sa han vidste hvad det vilde si at være i fangenskap.

Svend Hanssen, som av engelskmanden var sendt hjem med baaten, var under hele krigen lods paa kysten her utenfor. Meste tiden opholdt han sig ombord i den norske kutterbrig som hadde opsynet paa denne kyststrækning.»

\*

Anders Pedersen var ikkje frå Haaøya. I titelen på rekneboka skriv han seg Anders Pedersen Arndal — ombord udi presongskipet Niger in Portsmouth 1812. Svend Hansen er tidligare nemnt. Han var f 1780 og g 1806. Peder Larsen var son til Lars Jensen, som kom bort i 1794. Mor hans var dotter av losoldermann Jens Christensen, og Peder og Svend var såleis søskenbarn. Anders Pedersen gifte seg i 1821 med ei søster av Peder, Anne Larsdtr, d. 1824. Same året gjekk Anders Pedersen bort. Dei hadde ein son, Peder, som var eit halvt år gl. Anders hadde hus med grunn verdsett for 120 spd. Han dreiv også fiske. Hadde ein 11 fots båt som blei sett i 6 spd, 1 godt nytt flyndregarn, 2 bakkelinor 43 famner, og 5 hummerteiner. Husa var: 1 stue med 2 fag vinduer, kjøkken med 1 fag og skorsten uten bakeromn, loft med 3 fag vinduer, 1 enkel kakelomn i stuen, heiter det.

\*

I 1797 kom det nye folk til Haaøya. Det var Ole Jensen Sandvig, som same året hadde gift seg med dotter til Nicolai Schrøder i Resvika, Boel Marie. Sonesonen deira var Jacob Olsen Haaøe, som var los og styrmann 1875 og g 1879 med Gusta Larsdtr Molland. Dei hadde 12 born, den yngste, Leif Munk, f på Haaøya 1904. Både Ole Jensen og sønene hans var losar.<sup>4</sup>

Matros Petter Erichsen Nystrøm vigde i 1813 med Maren Sofie Larsdtr Haaøen. Ho var dotter av Lars Jensen og Marthe Jensdtr, og såleis

av gamal Haaøy-ætt. Ein av sønene var den kjende losen Mathias Haaø, som Chr. Krogh har teikna. Han var gm Katrine Sofie, dotter av Hans Svendsen Haaøy. Dei bur på Haaøya i 1875, der Mathias er los og gardbrukar.<sup>5</sup>

I 1827 døde Jørgen Bjørnsen Haaøen, 74 år gl. Han hadde vore gm Kirsten Svendsdr, enke etter Svenke Ellingsen, som kom bort i 1794. Ei av døtrene til Jørgen, Anne Catrine, blei gm Aanon Osulsen Dammen i 1834 og dei budde på Haaøya ei tid.

Matr 1838: Svend Hansen lnr 16 —  $1^{13}/_{14}$  ksk. Peter Nystrøm lnr 17 —  $1^{13}/_{14}$  ksk. Aanun Osulsen lnr 18 —  $6/7$  ksk. Jacob Aanonsen (son til Aanon Ellingsen og Marthe Jacobsdr) lnr 19 —  $1^2/7$  ksk. Anders Larsen (son til Lars Ellingsen) hadde lnr 20, ei hustomt, og Jens og Lars Chr. Olsen, søner til Ole Jensen, lnr 21, også ei hustomt. På 4 av dei 6 eigedomane er det som me ser, folk av gamal Haaøy-ætt.

I 1875 er det på Haaøya: Nils Ludvig Krieger Svendsen, los og gardbrukar, lnr 16. (Han var son til Svend Hansen. Broren Jens, som og var los, var død året før.) Mathias Edvard Petersen, los og gardbrukar (lnr 17). Karen Serine Berntsdr, enke etter los Aanon Jacobsen. Ole Jensen, los og gardbrukar. Aanon Sørensen, skipsreder, los og husmann. Søren Andreas Sørensen, los og husmann. Aanon Sørensen var gm Nicoline Nicolaisdr, ei dotter av Nicolai Olsen H. Aanon og Søren Sørensen var frå Holviga.

Me ser at fleire av åsittarane er nemnt som gardbrukarar, men stor jordvidda var det ikkje dei hadde. Matrk. 1867 gjev opp i alt 26 mål dyrka, middels jord på sand, og at dei kan fø 3 kyr, sette 11 tn poteter og så litt korn. Havnegangen er «beqvem og særdeles god» og jorda er lettbrukt. Havøen ligger for det meste i teigblanding, heiter det. I 1875 er det i alt 5 kyr, 1 ungdyr og 3 sauer. Utsåden er  $1/8$  tn

kveite,  $5/8$  tn havre og  $12\frac{1}{2}$  tn poteter, og så har dei vel 3 mål med rotfrukter.

Hans Jensen fekk i 1806 frå Havne-commissionen i Arendal «adkomstbrev» på 3 jernstolpar, 1 på Tvillingholmane, 1 på Halvorsholmen og 1 på Herøya. Hans bind seg til å halde stolpane vedlike. I 1832 ser me at Marthe Jensdr, som det var sk etter då, hadde «fortøyningsringe» på Groos havn som blei seld for  $65\frac{1}{2}$  spd. Fortøyningsring på H gjekk for 3 spd 3 ort. Eigedomen,  $1\frac{1}{4}$  ksk, med hus blei sett i 500 spd. Det var svigersonen Peter Nystrøm som fekk denne eigedomen.

#### Bnr 1.

Det var denne eigedomen som losoldermann Jens Christensen hadde. Eigedomen gjekk over til Hans Jensen og sidan til sonen Svend Hansen. I 1849 fekk Nils og Jens Svendssøner skj for 126 spd. I 1873 fekk Jens Svendsens enke, Andrea Christine Christensdr, løyve til å sitte i uskift bu. Det er så ikkje tinglyst noe før i 1917, då ervingane etter Nils Ludvig Svendsen og Jens Svendsen overdreg eigedomen til Svend Nilsen (f 1856) for 1000 kr. I 1953 blir fråskild bnr 11 Solhaug av skyld 5 øre. Jens S. Haaø gir skj til Aasine Solås vederlagsfritt. Bnr 1 har att skyld mk. 1.02.

#### Bnr 2.

Ved sk etter Lars Jensen blei Marthe Jensdr utlagd «stervbohuserne» for 150 rd. I 1832 gjekk eigedomen til dottera Maren Sofie Larsdr, gm Peter Nystrøm som tidligare nemnt. Eigedomen gjekk over til dottera Anne Petrine, gm Søren T. Sørensen, og Ida Marthe Petersen. Dei skj i 1873 over til broren Mathias Petersen for 280 spd. I 1904 gjekk eigedomen over til sonen Peter Jensenius Mathiassen for 3000 kr. Han selde i 1913 til Andreas E. Eliassen for same sum. Bodil Backe kjøpte eigedomen i 1937 for 4250 kr. Har skyld mk. 1.07.

*Bnr 3.*

Kirsten Svendsdtr gm Jørgen Bjørnsen hadde denne egedomen,  $\frac{6}{7}$  ksk. Blei i 1828 utlagd til Jørgen Tobias Jørgensen for 140 spd. Gjekk i 1836 som nemnt over til søstera Anne Catrine gm styrmann Aanon Osulsen Dammen. Han selde i 1841 til Sevrin Fredrik Gjertsen Munk for 200 spd. Sevrin Munk selde i 1853 til Aanon Bentsen Lien for 160 spd. Aanon selde i 1863 til Edvard Jørgensen for 200 spd. I 1912 selde Johan Jørgensen til Jakob Jensen for 700 kr. Sonen Ole Jensen blei utlagd denne egedomen og bnr 8 i 1932 for 2300 kr. Han selde i 1936 til Otto Andersen for 3000 kr. Otto Andersen selde i 1941 til ungdomslaget Fram, underavdeling av Grimstad Avholdslag, for 6000 kr. Egedomen har skyld mk. 0.46.

*Bnr 4.*

Denne egedomen hadde Aanon Ellingsen og sidan sonen Jacob Aanonsen. Han fekk utlagd egedomen ved sk etter kona Juliane Larsdtr i 1840 for 250 spd. Gjekk sidan over til sonen Aanon Jacobsen. Enka hans feste i 1880 pl. Smuget til Søren Andreas Sørensen for årlig avgift 2 spd. I 1881 blei fråskild bnr 5 og 6. John Jakobsen fekk resten av egedomen, av skyld mk. 0.89, i 1886 for 2550 kr. Bnr 9, av skyld 2 øre, blei fråskild 1893. John Jakobsen, son til Aanon Jacobsen, var det sk etter i 1893. Han hadde ei søster som var gm styrmann Anton Aanonsen Østerhus. Han overtok egedomen og var busett på Haaøya som los. Han døde i 1903. Egedomen blei i 1906 utlagd til sonen Aanon for 1600 kr. Søstera Johanne Kristine Aanonsen fekk denne egedomen og bnr 7 i 1915 for 2200 kr. Ho selde same året til Betsy, Johanne og Emma Nilsen. Det blei fråskild bnr 10 Vollestykket av skyld 10 øre. I 1939 får Ellen og Torleiv Opsal bnr 4 og 7 for 4000 kr. Bnr 4 har skyld mk. 0.81 og har fått bruksnamnet Knatten,

*Bnr 5-6.*

Bnr 5 av skyld 2 øre blei utskild i 1881 til Nicolai Olsen. Bnr 6 Blomsterhaven av skyld 3 øre, blei utlagd til Aanon Sørensen. Aanon og Jakob Aanonsen hadde sidan desse egedomane. Jakob Aanonsen og Johanne Aanonsen selde i 1925 til Reinholt Samuelsen og T. Opsal, som gav 2150 kr. for desse egedomane og bnr 10, Vollestykket. Reinholt Samuelsen og Else Tellefsen har bnr 5-6 frå 1955. Torleiv Opsal bnr 10.

*Bnr 8.*

Denne egedomen hadde Ole Jensen og Bodil Marie Nicolaisdtr. Ho overdro egedomen i 1838 til sønene Jens og Lars Chr. Olsen. Jens var gm Elisabeth Marie Gjertsdtr. Ho overdro ved follaugskontrakt i 1871 egedomen til sonen Ole Jensen. Sonen Jakob Jensen overtok i 1894 for 1000 kr. Sonen Ole Jensen overtok i 1932 (hadde også bnr 3). I 1939 selde han bnr 8 til Torleiv Opsal og Reinholt Samuelsen for 300 kr. Torleiv Opsal selde sin part til Else Tellefsen i 1955.

*Bnr 9 — Lillevoll,*

av sk 6 øre, gjekk ut frå bnr 4 i 1893. Elias Olsen kjøpte for 100 kr. Samtidig kjøpte han husa av Søren A. Sørensen for 800 kr. Egedomen gjekk i 1932 over til Elise Eliassen for 800 kr. Ho selde i 1936 til Christian Rosing Bull for 2500 kr.

*MERKNADER*

1. Sjå Haaøy-ætta I.
2. Sjå Haaøy-ætta II.
3. Årsskrift for Selskapet for Grimstad Bys Vel 1926.
4. Sjå Sandvig-ætta.
5. Sjå Nystrøm-ætta.

## TINGVOLL

Gnr 8

Når ein har passert høgdedraget på Molland på vegen til Morviga, ligg garden Tingvoll på venstre sida av vegen i sør-austhallet. Tingvoll var plass under Molland, men skipper Johan Jensen frå Kristiansand som fekk kjøp på 1 hud jordegods i Molland ikring 1814, bygde seg staselig hus på Tingvoll, som då blei gard. Og i matrikkelen i 1887 fekk Tingvoll eige gardsnr. Garden har nå 56 dekar dyrka jord og 250 dekar produktiv skog.

Den første me finn nemnt på Tingvoll er Ole Olsen Tingvoll, som i 1745 vigde med Magnhild Aanonsdtr Gjedderaasen. I 1745 dør John Olsen Tingvold 33 år gl. I 1746 gifter Axel Olsen Tingvold seg med Birthe Christensdtr Landvig. Hadde døtrene Maren 47 og Margrethe 55. I 1748 er Terkel Svenningsen og Guro Pedersdtr på Tingvoll. Ein son Søren. I 1758 nemner lensmann Knud Imenes husmann Peder Tingvold. Kan berge sig, heiter det. Same året vigjer Ester Marie Olsdtr Tingvold med Abraham Nilsen Bakken. 1761: Anne Pedersdtr Tingvold gm Niels Peder. n Røed på Gjervollsøen i Ø. I 1762 vigjer soldat Christen Jensen Tingvold med Anne Hansdtr Haabbestad, Fj. Marthe Pedersdtr Tingvold gifter seg i 1769 med Iver Andersen Skoddet.

Det går av dette fram at det på Tingvoll må

ha vore eit par plassar. Som husmenn under Molland er i 1766 nemnt m. a. Peder Ommundsen gm Anne Omundsdr, og Axel Olsen gm Birthe Christensdtr. Som tenarar er ført opp Ole Pedersen, Marthe Pedersdtr, Peder Axelsøn, Maren Axelsdtr og Dorthe Axelsdtr. Ane Omundsdr Tingvold, død i 1774, 80 år gl. I 1771 vigde Ole Pedersen med Elen Svendsdtr Aasen. Dei hadde borna Maren 76 og Svend 79.

Om Tingvoll finn me i panteboka: 1770 30/5 har Peder Ommundsen og hustru indgaaet fol-lauscontract med sin søn Ole Pedersen, hvorved den første har til sidste avstaaet sin bøxel paa pladsen Tingvold saavel som nogle der paa-staaende huse. I 1781 fester oppsittarane på Molland og Bakke plassen til Ole Pedersen. Han er på Molland i 1801. Det måtte elles vere ein god plass, for i 1792 er det oppgitt at han kan avle 1 tn rug og 12 tn bygg. Peder Ommundsen døde i 1786 — 86 år gl. Anne Svendsdtr i 1804.

Borna til Ole og Anne var heime i 1801, men Svend reiste nok ut. Me høyrer ikkje meir gjete han. Maren vigde i 1806 med Søren Michelsen Myren og dei busette seg på Tingvoll. Ei dotter Ellen Marie 1810. Ved sk etter Maren i 1816 var det lausøyre for 216 rbd n.v. (namneverdi), hus med kakelomn 100 rbd, et

faldefærdig bryggerhus 50 rbd. Då skiftet blei slutta året etter var lausøyra nedskreve til 21 spd 72 sk og husa til 36 spd 72 sk. Etter at gjeld og skiftekostnad var gått frå, var nettoen ca. 31 spd.

Søren feste  $\frac{1}{3}$  av pl. Tingvold i 1813 for 12 år, årlig leige 5 rd. Han gifte seg oppatt i 1816 med ei enke på Mollandskjær, Asborg Pedersdtr. Det var Elisabeth Arntsdr som festa bort plassen. Etter sk i 1817 høyrer me ikkje meir gjete Søren Michelsen eller plassfolk på Tingvoll.

«Av Tingvolds saga».

Signaturen M., sikkert nok kjøpmann Mathias P. Molland, har i eit par skisser gitt glimt «av Tingvolds saga».<sup>1</sup> Han fortel om skipskaptein Johan Jensen som var født i Kristiansand, men som kom til å bygge på Tingvoll.

... Endelig kom den dag da lysningen begyndte og tilsidst saa han sig i ung alder som fører av eget skib. — Saa kom den enda større lykke for den unge mand, da han paa Jeløen feiret sit bryllup med den unge kvinde — Augusta Øhrn — som hadde ladt sin fremtids skjæbne binde til hans.

Nu gjaldt det at faa sit eget hjem. Det lykkedes ogsaa. I begyndelsen av aaret 1814 døde paa Molland Elisabeth Arentz datter von Kampen — mæt av dage og rik paa jordisk gods. Hendes jordegods blev delt i flere dele.

Gaarden Tingvold blev kjøpt av den unge kaptein. Husene var gamle, og det unge ektepar besluttet straks at la opføre et nyt og moderne. Det blev derfor forskjellig fra bygdens vanlige 2 etages. Tilsidst stod den nye bygning der med fløybygninger og kvister bred og vakker, med løvskog til bakgrund. Saa var det haveanlæg. Til mønster blev tat herregaarden paa Jeløen. Snart snoet sig grusede gange om plæner og rabatter. Eple- og pæretrær var kommet godt i vei. Fra fremmede lande hadde han hjemført prydbuske med egenartede og sjeldne navn og blomster, farvemættede og rigtduftende. Anlægget endte i et lønnelysthus. En nærliggende skog var av den unge frue døpt «Frydenberg». Fra dens top hadde hun saa mangan gang speidet ut over havet naar mandens skib var ventende. Avtalen var, at hun hver dag skulde heise flag paa hel

stang, saa han allerede paa avstand kunde vite at alt stod vel til.

Aldrig kunde han glemme den beklemmende følelse som grep ham, da han sidste tur nærmet sig kysten og allerede kunde skjelne fjelde og skar, men ikke saa noget flag vaie i den friske bris. Sandheten stod med et for ham. Hans hustru var ikke mere ...

I kyrkjeboka finn me ikkje dødsfallet. I panteboka har eg heller ikkje funne noe om kjøpet i 1814, men 26. august er det nemnt at Johan Jensen Molland har «solgt og skjødet til enken Kirsten Gundersdtr, halvdelen i Waanings- og udhusbygninger av sælgerens 1 hud i denne gaard». Elisabeth Arntsdr sat med 2 huder i Molland, så det var såleis halvparten av jordegodset som Johan Jensen kjøpte. I 1818 gir Syvert Jensen og Karen Syvertsdr seg i follaug til sonen Johan Jensen, så det er vel trulig at han då har bygd på Tingvoll. I 1821 pantset han 1 hud i Molland til Norges Bank for 100 spd.

I 1822 har capt. Johan Jensen og Ane Marie Jursdtr Tingvold sonen Johan Sevrin August til dåpen. Johan Jensen hadde gifta seg året før i Birkenes med Ane Marie, som var frå Flakk og 26 år gl. Sjøl var han 42 år. Sonen Johan Sevrin blei kjøpmann i Arendal. Johan Jensen blei buande på Tingvoll til 1837, då han selde 1 hud i Molland til Mathias og Johannes Jacobssønner for 1500 spd. I 1833 ser me at han fester pl. Kraageviga til Peder Knudsen for 1 spd for året og 3 arbeidsdagar.

Mathias Jacobsen, son til Jacob Degn, var gm Helene Berntsdr. Johan Jensen var morbror til Helene. Dei gifta seg i 1830.

Mathias og Johannes delte jordegodset. Mathias fekk Tingvold med hus. Det ser me av branntakst som han hadde i 1838. Og denne taksten stadfester den noe romantiske skildringa som M. har gitt. Sætehus  $31\frac{21}{24} \times 9\frac{4}{24}$  alen, 7 rom + kjøkken, 2 forstueganger. Kjellar under stova. Takst 650 spd. Østre fløybygning:  $16\frac{1}{2} \times 6\frac{14}{24}$  alen. Drengestove. Bryg-



gerhus. Rullebod. Takst 120 spd. Vestre fløybygning:  $16 \times 6^{10/24}$  alen. Forstuegang, afføringshus og vedskjul. Takst 50 spd.

Reknar me om, ser me at huset er akkurat 20 meter langt. Breidda er 5.75 meter, men med fløyane må det ha ruva i landskapet. På garden er det vidare: Stolpehus  $9\frac{1}{2} \times 7$  alen. Hestestall av tømmer  $10 \times 6^{16/24}$  al, plass til 2 hestar. Vidare er det «koefjøs med ladebygning og tærskelaave»  $35^{21/24} \times 8^{8/24}$  al. Stolpehuset blei taksert for 30 spd, stallen for 50 og fjøs og låve for 180 spd, tilsaman 1080 spd.

Same dag er det vanlig takst over hus og 8 ksk jord. Taksten for husa blei her 900 spd, jord og skog 800 spd,  $\frac{1}{2}$  i Dammen qværn og  $\frac{1}{2}$  i pl. Skoddet 100 spd, tilsaman 1800 spd.

Same dag er det og delingsforretning av 1 hud jordegods som Johan Jensen åtte tidligare. Me ser at det blei lagt  $\frac{3}{4}$  av jordegodset til Tingvoll. Og det er rekna at garden kan fø hest, 4 kyr og 6 sauer. Utsæd: Bygg 2 tn, avling 10—12, havre 3 tn, avling 18—20. Poteter 4 tn, avling 25—30 tn. Skogen kan gje for 5 spd netto til året.

I 1853 blei Langemyr fråseld Molland og Bakke. Det gjekk då frå Tingvoll  $1\frac{1}{2}$  sk. I 1863 blei fråseld eit lite stykke til Peder Johnsen Mollandskjerr.

Mathias Jacobsen, som også var skipper, døde i 1864 og Helene Berntsdtr sat så med egedomen. I 1868 selde ho frå eit lite stykke til Christoffer Larsen, og i 1870 noe til Osmund Ommundsen. Ho sat då att med  $6^{19/30}$  ksk. Matr.kom. 1867 gjev opp at Mathias Jacobsens enke har 43 mål dyrka jord, en stor deel temmelig skarp sandjord, heiter det.

I 1873 blir garden delt mellom Mathias Jacobsen og John Pedersen. John var gm Jakobine, søster til Mathias. John var skipper og på reis til Vestindia i 1875. Jacob, som og var skipper, var heime, begge f 1840. Dei budde i same huset og står oppført som eigarar sa-

man. Buskapen var då bare 2 kyr, utsåden var  $\frac{6}{8}$  tn kveite,  $2\frac{1}{2}$  tn havre og 4 tn poteter, så det hadde nok gått noe tilbake med jordbruket frå den tid faren dreiv, og som me får ei minning om i det M. skriv om «Julekveld på Tingvold 1860»

... Paa det store stabbur midt paa gaardspladsen hang skinker og flesk, spekekjøtt og pølser ved siden av hverandre. I kornbyrne laa 7 bakninger brød nedgravet. Paa hylderne var stabled store hauger med ny-støpt talglys. I kjelderene laa anker ved anker med forfriskende øl — avgjæret og klaret.

Han skildrar vidare livet på garden denne dagen, husbonden har vore ein tur til Morvigfjorden og set om Danmarkskoffen sin.

Og ... tidligere paa eftermiddagen hadde gardens husmænd Rasmus Skaaddet, Petter Kraageviken, Søren Mollandskjær og Gunnar Ræveholla været paa besøk for at betale sin avgift. Efter stedsmaalet skulde denne betales hver julekveld. ... Gik en ut i fjøset hørte en kjørenes tilfredse gumlen. I stalden humret «Skimla». Alle hadde faat sin ekstraration til julekvelden.

John Pedersen fekk skjøte i 1874 på sin halvpart av garden, det seinare bnr 2, for 900 spd. Han sat med egedomen til 1886, då Alf Kristensen fekk skjøte for 3800 kroner.

Jacob Mathiassen betalte også 900 spd for sin halvpart, bnr 1. Han selde i 1891 til Alf Kristensen for 3300 kr. I 1901 kjøpte den nye eigar også bnr 3, Tinglund, som var blitt skild frå bnr 1 i 1886. Han gav 500 kr. for egedomen, som hadde skyld 20 øre. Det var enka etter Jacob, Sara f Lithbody, som sat med denne egedomen.

Alf Tingvold selde dei 3 bruksnr i garden i 1913 til Torjus Kiland for 16 000 kr.

Garden ruver ikkje nå som han ein gong gjorde. Det er eit vanlig sættehus på  $1\frac{1}{2}$  høgd, med 5 rom og kjøken. Garden før (1955) 5 kyr og hest, og har som nemnt 56 dekar dyrka mark.

#### *Fråselde parsellar.*

Frå Tingvoll er fråseld ei rekke parsellar og hyttetomter. Bnr 1 har då att skyld mk. 1.64,

bnr 2 mk. 1.78, bnr 3 har att skyld 3 øre.

*Morvigkilen* bnr 4 av skyld 5 øre, selde Torjus Kiland til Lalli Knutsen i 1941 for 8000 kr. W. Steffens kjøpte i 1947. Er gått ut frå bnr 3.

*Fiskebakken* bnr 6, gått ut frå bnr 3, kjøpte Johan K. Havstad i 1943 for 5500 kr. Skyld 5 øre. Samtidig kjøpte han *Fiskebekkdalen* bnr 8 av skyld 8 øre, for 750 kr. Johan Havstad skilde frå *Fiskebakken* bnr 9 *Strandly*, som han i 1946 selde til Johanne Resvik for 1500 kr. Selde så dei to eigedomane til Jonas Lie for 6000 kr. Jonas Lie skilde frå bnr 10 *Fiskehei* frå bnr 6 og selde bnr 10 til Reidar Gjems for 3000 kr. i 1948.

*Saltvaag* bnr 11 av skyld 5 øre, utskild frå bnr 2, selde Torjus Kiland til Eivind Sætra i 1954 for 7500 kr. Sætra selde året etter til Reidar Hjorth for 10 500 kr.

*Solhøiden* bnr 12 av skyld 1 øre, gått ut frå bnr 2, selde Torjus Kiland til O. K. Myhren i 1954 for 500 kr. Året etter selde Myhren til Elsa Aas Johannesen for 1500 kr.

*Svaberg* bnr 13 av skyld 2 øre, gått ut frå bnr 2, kjøpte Knut Berge av Torjus Kiland i 1956 for 1500 kr.

Torjus Kiland har (1956) heimel til bnr 5 Husefjellet, bnr 7 Saltvaag, bnr 14 Saltvaag og bnr 15 Fjeldvaag.

#### MERKNADER

1. Medlemsskrift 8—9 Selskapet for Grimstad Bys Vel 1929. Kjøpmann Mathias P. Molland, Grimstad, som døde 1957, var ein god forteljar og sat inne med mykje av gamal tradisjon. Mor hans var Jacobine Mathiasdtr Tingvold, gm skipskaptein John Pedersen som hadde halve Tingvoll ei tid.

## ØSTERHUS

Gnr 9

Ein gong i tida er Østerhus skild ut frå Mol-land som eigen gard. Når dette hende, veit me ikkje, men først på 1600-talet var Østerhus fullgard, dvs. 4 huder, så Østerhus var ingen sekundær-gard i vanlig tyding og må tidlig ha vore rudd og bygd. Skyldet blei elles i 1668 sett ned til 3½ hud.

I dag er Østerhus — der det er omlag 200 dekar dyrka jord i alt — delt opp i ei rekke mindre bruk, men på 1600-talet var det bare 2 brukarar. På slutten av hundreåret blei garden delt i tri og slik var det fram gjennom heile 1700-talet. I 1792 ser me såleis at Bent Andreassen bruker 1 hud 9 ksk, dvs. halve garden etter gamalt skyld. Stener Aslaksen har 9½ ksk og Daniel Gundersens enke 11½ ksk. Bent Andreassen var son til Andreas Bentsen Imenes, men mor hans, Karen Eriksdotter, hørde til den gamle ætta på Østerhus som hadde brukt heile garden, trulig fram til 1680-åra. Ætt etter Karen og Andreas sat på Østerhus fram til 1889, då den siste av ætta, Marie Andreasdr, selde bnr 1, den garden som Tellef Stie nå har. Men då var bruket blitt delt i tri, hvert bruk på ⅓ av garden etter gamalt skyld og elles noe redusert ved fråsal av mindre gardpartar.

Den første me høyrer om på garden er Amund

eller Anund Østerhus, som i 1584 var med på ei markegangssak mellom Nedenes og ei rekke gardar i Øyestad. Han hadde elles noen år før, i 1578, vore med og skrive under på ei klage mot den illgjetne lensherren Erik Munk. Eg trur elles han var den same Annond eller Aanon Tjore som var lagrettemann i 1591, då dei skulle velje sendemenn til kongehyllinga i Oslo.<sup>1</sup> Av sønene hans kom då Nils til Tjore og Erik til Østerhus. I 1624 ser me at Nils Annonsen Tjore og hans fem søsken åtte 3 h i Tjore og 2 h i Østerhus. Og Erik Annonsen åtte til pant 2 huder i Østerhus. Erik hadde og 2 huder til pant i Bakke.

Erik Østerhus var krone- og leiglendingsbonde i 1610 og er nemnt fram til 1637. I 1610 er og Oluff Østerhus nemnt, men som husmann, 1618—23 Jacob, det siste året som krone- og leiglendingsbonde, og han hørde kanskje til ætta, for Jakob-namnet finn me att sidan. I 1643 eig Niels yttre Østerhus 1½ h i garden og Annon yttre Østerhus med sine søsken 2 h. Dei var søner av Erik Aanonsen Østerhus og åtte såleis omlag heile garden då.

I 1645 finn me på Østerhus: Anne, en pige Bierte og en søn Niels. Annon og hans quinde, en pige Siri, og Niels.

I 1650-åra ser me at Torgie Eskedal, Gun-

sten Hesnesøen og Oluf Watne åtte 2 ksk hver i garden. I 1660-åra er Tosten Assev blitt eigar av 1 hud, sett ned til 10½ ksk i 1668. Aanon Eriksen er 62 år, Nils Eriksen 52 år i 1664. Dei brukte hver sin halvpart av garden i 1668, men Aanon åtte bare 9 og Nils 8 ksk då. Ein bror, Berulv, hadde 8 ksk. Joen Dalholt og Nils Indtjore hadde 3¼ ksk hver. Me veit at dette var søsterparter. Dessutan hadde som nemnt Torsten Assev 10½ ksk. I 1674, då er nok Berulv død for han er ikkje nemnt, har Aanon 13¼ og Nils 11½ ksk. Anders og Ommund (Obmond) Assev har 10½ ksk.

I 1701 er det gjennomført ei garddeling som kom til å stå i hundre år. Garddelinga er trulig gjennomført i 1680-åra, i alle fall etter 1674. I 1701 har Jens Aanonsen 1 hud 9 ksk, Jacob Nielsen 11½ ksk, det same som faren åtte i 1674. Og så er det ein Ole Jensøn, leylænding og bondeskrædder, som han er nemnt. Han er 54 år og sit med 9½ ksk. Me kan vel gå ut frå at det var det gamle Assev-godset han leigde og at det då var utskild som eige bruk. Ole er første gong nemnt i 1696, då Ole Skredder på Ustrus har sonen Christen til dåpen. Han var sikkert ein tilflyttar. I 1697 ser me at han sel 2½ ksk i Fevig på vegne av kona si, Karen Madsdtr, til bror hennar, Johan Madsen Fævig. Ole Jensen døde på Østerhus i 1709. Alderen er då oppgitt til 66 år. Sonen Jens Olsen fekk kjøp på bruket og hadde det til 1754, då han selde til Aslak Bentsen Imenes. Det er dette bruket Rasmus Østerhus har (bnr 12 og 16). Hans oldefar, Stener Aslaksen, kjøpte bruket i 1786.<sup>2</sup>

Bruket som Jacob Nielsen har i 1701, dei 11½ ksk, hadde det vore sjau om. I 1696 ser me at Jacob Nilsen og søsken krev eldste bror, Erik, dømt frå garden som han brukar og ikkje har betalt landskyld av på 11 år. Dei har til gode 5½ rd. Dei har og betalt 13½ rd i skattar, . . . nok bekommen koe 3 rd, heiter

det, tilsaman 22 rd. Stiftsbefalingsmannen Matias Tønsberg har i brev 1695 gitt Erik lov til å sitte på garden, då han «ikke lovliggen fra sin paaboende gaard Ustrus er opsagt». Dette skal med to vitne forkynnast for søskena, som er Jens, Jacob, Beruld og Gunner Nilssøner, og Anne Nilsdtr. I retten blir dei forlikt om at Erik skal betale «saa snart høstningen er overstaaed». Saka var framme 7. mars, så han fekk noe tid på seg. Erik skal betale med avlingen «saavidt den kan tilstreche, og den endelige rest tilkommende vaar førend jorden saaes. Skulde pengene da ikke alle være erlagt, tiltræder Jacob Nielssøn paa egne og søskennes vegne og bruger sin og deres part i gaarden, og Erich ikkun bruger sin egen gaardepart, og forbliver hans anpart saalenge i gaarden til forsikring indtil pengene vorder erlagde.»

Erik greidde ikkje å betale. Då det er sk etter han i 1701 er han framleis skyldig dei 22 rd. Jacob har dessutan sidan betalt 3½ rd i skattar og kosta gravferda, 5 rd. Det blir ikkje noe att til enka og to born. Erik var den einaste av denne søskenflokkjen som var gift, og ættegreina etter Nils Eriksen dør ut. Brørne til Erik, Gunder og Berulv, døde i kongens tenest i København. Dei var sjømenn og det var sk etter dei same dag som etter Erik i 1701. Om Jens heiter at han for 8 år sidan var «ofuerseigled til Engelland». Dei hørde ikkje meir til han. Jacob, som var 33 år, overtok garden, men han døde i 1712. Då er ikkje andre att enn Anne, som er 40 år. Brorsonen Knud Eriksen som då var 22 år, var reist til Holland for 4½ år sidan, brorsonen Nils Eriksen var død. Heller ikkje i 1712 hadde dei høyrd noe frå Jens, Knud var heller ikkje spurdt sidan han reiste. Anne overtok då garden og dreiv han til 1730, då ho døde 70 år gl. Ho må ha dreve garden godt, for ved sk i 1731 var det 4 kyr, 1 kvie, 1 stut, 4 sauer og 2 geiter.

Dei har heller ikkje ved dette sk høyrd noe

til brorsonen Knud Eriksen, som er utanlands «og ikke vides enten han er levendis eller død».<sup>3</sup> Det same gjeld broren Jens. Dei «nest-paarørende» Ole Terchilsen og Erich Jensen krev auksjon, «og da det meste av almuen i næste hus var i bryllup forsamled», heiter det, fann skifteretten å kunne fremje auksjonen utan plakatar på førehand.

Dei som heldt bryllop måtte vere Ingeborg Olddotter, ei søster av Jens Olsen, som det året vigde med Torgius Rasmussen Mollandskjær. Og bryllopsgjestene var ikkje snaue med boda. I dei fleste tilfelle låg bodet over verdsettinga. Dei ivrigaste til å kjøpe var Anders Imenes og Jørgen Jørgensen Munch. Det blei seld for nærare 85 rd, eller omlag 23 kuverd (3½ rd).

Det blei Ole Terkelsen som kom til å overta garden. Sonen Lars Olsen overtok i 1759, men han døde alt i 1763. Enka, Maren Mikkelstr Gitmark, gifte seg oppatt med Gunder Danielson Koveland frå Herefoss, og ætt etter dei sat der til 1888, då Lars Larsen selde garden, bnr 17 nå, som Johan Bakke har vore eigar av sidan 1935.

Her meiner dei at det gamle tunet på Østerhus lå. Det er nå bygd nye hus på dette bruket, men dei gamle hus står der au. Det er nemnt at husa skal vere frå ikring 1600, men det er vel lite trulig, men kanskje var det her Anne Nilstr levde og der den livlige auksjonen var i 1731.

Me skal så sjå litt på det gamle hovedbruket på 21 ksk, det som Jens Aanonsen sat med i 1701. Jens døde i 1725. Ved sk i 1726 er det opplyst at eldste sonen, Aanon, er gift og bur i København. Han døde der utan livservingar i 1755. Han var tømmermann. Broren Erik Jensen erva 64 og søstera Guri 32 rd etter han. Det blei Erik som overtok garden på Østerhus etter faren. Erik døde og i 1755, og åtte då 10½ ksk i garden og dessutan lausøyre for netto 142 rd.

Med Erik dør mannlina av den gamle ætta ut på Østerhus. Dottera Karen, som var gardjente, hadde same året gifta seg med Andreas Bentsen Imenes og dei overtok nå. Etter at Andreas var død, sat Karen med garden noen år til sonen Bent overtok i 1790.

I 1794 fekk søstera Rannei, gm Peder Nilsen Wust frå Torupstrand, ⅓ av bruket, det seinare bnr 10. Sonen Andreas Pedersen selde i 1838 til Bent Aanonsen Grefstad, den kjende skipsbyggaren i Morviga. Det er denne garden Tellef Aas har nå.

Bent sat med resten av bruket til sin død i 1808. Sonen Andreas Bentsen delte så bruket i to i 1829. Han fekk sjøl bnr 1. Enka hans sat med bruket frå 1853 til 67, då sonen Bent Andreassen overtok. Etter hans død gjekk garden i 1883 over til søstera Marie, og ho selde som nemnt i 1889.

Rasmus Christoffersen fekk kjøp på bnr 2. Han hadde det til 1836, då han selde og flytta til Grimstad. Han kom att i 1853 og overtok då etter sin svigerfar Arne Stenersen, som hadde overtatt bruket etter faren, Stener Aslaksen. Rasmus Østerhus, soneson til Rasmus Christoffersen,<sup>4</sup> kjøpte bnr 2 i 1914, men selde til Landvik kommune i 1920, og bruket blei då lærargard. Lærer S. Gitlestad har brukt garden og budde der til han for noen år sidan bygde seg hus ved sida av skolen på Molland.


For dei gamle hovedbruk kan me sette opp denne

*Eigar- og brukarrekkje.*

*Bnr 1-2 og 10 (21 ksk).*

Ca. 1640—1680 Aanon Erichsen  
 Ca. 1680—1725 Jens Aanonsen  
 1725—1755 Erik Jensen  
 1755—1782 Andreas Bentsen gm Karen Eriksdtr  
 1782—1790 Karen Eriksdtr  
 1790—1794 Bent Andreassen.

Garden delt, med ⅓ til Rannei Andreasdtr gm Peder Nilsen Wust, ⅔ til Bent.



Det gamle sætehus på bnr 17.  
(Fot. 1960 Tv)

*Dalbe nær berbejars Høls. Malnive*

*Bnr 1-2.*

1794—1808 Bent Andreassen  
1808—1829 Andreas Bentsen.  
Garden delt i to.

1865—1916 Anton Jacobsen Molland  
1916—1918 Johannes Alsand  
1918—1924 Nils Dannevig  
1924—1948 Elias Bentsen og Karoline Bentsen  
1948— Tellef Aas.

*Bnr 1.*

1829—1853 Andreas Bentsen  
1853—1867 Susanne Henriksdtr, enke e. Andreas  
1867—1883 Bent Andreassen  
1883—1889 Marie Andreasdtr  
1889—1894 Ole Knudsen Skjeggedal  
1894—1922 Halvor Olsen Lien  
1922—1947 Ole Halvorsen  
1947 Halvor Johan Halvorsen  
1954 Olaf Halvorsen og Sofie Stie  
1954— Tellef P. Stie.

*Bnr 12 og 16 (9½ ksk).*

Ca. 1680—1709 Ole Jensen  
1709—1722 Kari Madsdtr, enke e. Ole  
1722—1754 Jens Olsen  
1754—1780 Aslak Bentsen Imenes  
1780—1785 Søren Aslaksen Imenes  
1786—1808 Stener Aslaksen Holte  
1808—1853 Arne Stenersen  
1853—1883 Rasmus Christoffersen.  
Garden delt.

*Bnr 2.*

1829—1836 Rasmus Christoffersen  
1836—1893 Gjerul Aanonsen Tjore og Elen Nilsdtr  
1893—1912 Edvard Bendix Gundersen  
1912—1914 Anne Kristine Osmundsen Frivold  
1914—1920 Rasmus Østerhus  
1920— Landvik kommune.

*Bnr 12.*

1883—1920 Anton Rasmussen  
1920— Rasmus Østerhus.

*Bnr 16.*

1883—1902 Kristoffer Rasmussen  
1902—1920 Anton Rasmussen  
1920— Rasmus Østerhus.

*Bnr 10.*

1794—1797 Peder Nilsen gm Rannei Andreasdtr  
1797—1826 Rannei Andreasdtr  
1826—1838 Andreas Pedersen  
1838—1865 Bent Aanonsen

*Bnr 17 (11½ ksk).*

Ca. 1640—1680 Nils Eriksen  
Ca. 1680—1696 Erik Nilsen

1696—1712	Jacob Nilsen
1712—1730	Anne Nilsdtr
1730—1759	Ole Terkelsen
1759—1763	Lars Olsen
1763—1790	Maren Mikkelsdtr gm Gunder Danielsen Koveland
1790—1793	Maren Mikkelsdtr
1793—1844	Lars Danielsen
1844—1888	Lars Larsen
1888—1911	Sigrid Børufsdtr Vraalstad
1911—1915	<u>Martinius Aanonsen Høiklev</u> <i>Børstefær</i>
1915—1919	Jørgen Bakke, Molland <i>vov giftb</i>
1919—1935	John Ingebretsen <i>med</i>
1935—	Johan Bakke.

*Olga Agnis, B. Br. 10.*

### LITT OM DEI ENKELTE BRUK

#### Bnr 1.

Etter delinga i 1829 hadde dette bruket gl. skyld  $6^{37/40}$  ksk. Før delinga var Sördalen blitt utskild frå det gamle hovedbruket. Bruksnr 1 blei såleis ikkje fullt  $\frac{1}{6}$  av garden etter gl. skyld. Noen små parsellar blei sidan fråseld. Då Marie Andreasdtr selde eigedomen i 1889 til Ole Knudsen Skjeggedal for 3400 kr. var skyldet mk. 2.40. Halvor Olsen gav 3500 kr. i 1894. I 1947 var prisen stege til 12 000 og i 1954 til 20 000 kr. Eigedomen har nå skyld mk. 2.30 og har 26 dekar dyrka jord og 75 dekar produktiv skog.

Frå dette og dei andre gamle bruk og frå Lia er utskild ei rekke hyttetomter, som nå har fått bnr under gnr 10, Lien. Noe av Holviga har lege i sameige.

*gilde Anns*

#### Bnr 2.

Rasmus Christoffersen gav 300 spd for denne eigedomen, og selde for 400 spd. Edvard Bendix Gundersen som fekk garden i 1893 var ein søsterson av Elen Nilsdtr, kona til Gjerul Aanonsen. Bruket blei seld for 7100 kr. i 1912, for 6700 kr. i 1914. Rasmus Østerhus selde for 13 000 kr. i 1920. Bruket har 15 dekar dyrka mark. Det var trulig Rasmus Chri-

stoffersen som bygde her då han gifta seg i 1830. Sætehuset er lite, bare 60 m<sup>2</sup>. Bruket har vore lærargard sidan kommunen kjøpte. Skyld mk. 1.80.

#### Bnr 10.

Bent Aanonsen Grefstad gav 900 spd for dette bruket i 1838. Det fylgde med  $\frac{1}{2}$  ksk i Mollandskjær og andel i Skoddet. Bent Aanonsen selde til Anton Jacobsen Molland for 1650 spd. Då var noe i Mollandskjær fråseld. Johannes Alsand, svigerson til Anton Jacobsen, gav 8000 kr. for eigedomen, men selde eit par år etter for 7500 kr. I 1924 blei eigedomen seld for 17 500 kr. og i 1948 for 18 000 kr. Bruket har skyld mk. 2.48, har 18 dekar dyrka mark og 60 dekar produktiv skog. Sætehus bygde 1890, påbygd 1948, uthus 1890.

#### Bnr 12 og 16.

Då Rasmus Christoffersen var død blei garden som opphavlig var på  $9\frac{1}{2}$  ksk delt i 3. Johanne og Juliane Rasmusdøtre fekk Borkedalsstykket for 1500 kr. Det var rekna til  $\frac{10}{44}$  av garden. Resten blei så delt mellom brørne Anton og Kristoffer. Dei gav 2250 kr. for hver eigedom. Anton kjøpte av broren i 1902 for same sumen. Rasmus Østerhus overtok begge eigedomane for 10 000 kr. Bnr 12 har skyld mk. 1.28, bnr 16 mk. 1.30. Arealet er 282 dekar, med 32 dekar dyrka jord og 100 dekar produktiv skog.

#### Bnr 17.

Lars Larsen gav 920 spd for denne eigedomen på sk etter foreldra. Eigedomen blei seld for 4000 kr i 1888 og for 7000 kr. i 1911. I 1918 var prisen 8000 kr. John Ingebretsen gav 21 000 kr. i 1919, men selde i 1935 for 12 000 kr. Eigedomen har skyld mk 3.32, har 24 dekar dyrka mark og 65 dekar produktiv skog. Buskap 1953: 5 kyr og hest.

Det står som nemnt svært gamle sætehus på dette bruket og eit gamalt stolphus. Uthus bygd 1890.

#### FRÅSKILDE BRUK OG PARSELLAR

*Sørdalen* bnr 3. Aasul Aanonsen Dammen kjøpte i 1818 to utmarkstykkje, Syrdalen og Straalsund, for 86 spd. Det var Andreas Bentzen og Rannei Andreasdr som selde. Osul bygde då trulig i Syrdalen, som ligg ved Stølevegen ned mot Landvikkanalen. Aasul og kona Johanne Nilsdr gav seg i 1840 i follaug til sonen Aanon Aasulsen. Ved sk etter kona Anne Catrine Jørgensdr i 1842 ble Aanon Aasulsen utlagd eigedomen for 160 spd. Det er så ikkje tinglyst noe før i 1896, då Georg Munch får auksjonsskjøte på denne eigedomen (Inr 22 c, gl. skyld  $\frac{1}{3}$  ksk) og Inr 23 a, gl. skyld  $\frac{1}{6}$  ksk, for 2300 kr. Aanon Aasulsen budde i Syrdalen i 1875. Var fiskar og gardbrukar, f 1800 i Landvik. Han var gift oppatt med Sevrine Aanonsdr, f i Åseral 1814. Dei hadde 1 ku, sådde litt korn og sette 1 tn poteter. Sidan 1896 har eigedomen vore på fleire hender. Nils Jacobsen m. fl. selde i 1907 til Chr. Johannesen for 1000 kr. I 1920 fekk Einar Andersen Buer auksjonsskjøte for 1800 kr. I 1932 blei eigedomen seld på tvangsauksjon. Då kjøpte tømmermann Kristian Nilsen, f i Eide 1877. Fekk skj. i 1933 for 4450 kr. Bruket har 6 dekar dyrka mark, sætehus i  $1\frac{1}{2}$  høgd.

*Mollandskjerr østre* bnr 4. Peder Johnsen Mollandskjær kjøpte denne eigedomen i 1863. Eigedomen som blei sett i sk  $1\frac{1}{3}$  ksk gjekk ut frå Østerhus, Lia, Molland og Bakke og har ikkje mindre enn 13 gl. løpenr. Ny skyld mk. 0.81. Peder Johnsen gav 400 spd for eigedomen. Nye hus blei bygd i 1876. Peder Johnsens enke som sat med bruket frå 1867 gav skj i 1875 til Elias Pedersen for 400 spd. Halvor Jørgensen fekk auksjonsskjøte i 1889 for 3000 kr. Han

selde i 1895 til Wilhelm Jakobsen for 3800 kr. Andreas Sørensen Mollandskjær kjøpte i 1910 for 3500 kr. I 1932 kjøpte Anton Pedersen Bakke for 6000 kr. Eigedomen har 11 dekar dyrka mark.

*Sauemyr* bnr 5—6. Bnr 5 av skyld 7 øre, gjekk ut frå bnr 1 i 1874. Bent Andreassen og Kristine Jørgensen gav skj. til Tørris Jensen Frivold «paa disse 4 skl. samt ind- og udhusbygninger for 300 spd.» Han kjøpte også bnr 6 for 50 spd. Gjekk ut frå Molland bnr 18 (Elias Jacobsen). Karoline Wilhelmine Frivold selde i 1924 til Jens Marensius Frivold for 4000 kr. Han selde for same sum i 1947 til Olaf Halvorsen Østerhus. Eigedomen har 4 dekar dyrka mark, sætehus  $1\frac{1}{2}$  høgd. Tørris Jensen Frivold var f 1840 i Halse. Han var i 1875 mestersvenn på skipsverft. Kona hans, Karoline, var frå Faaborg prestegjeld i Danmark.

*Bratte Rivingen* bnr 7. Eigarane av dei gamle bruk på Østerhus selde i 1886 til Statens fyrvesen for 400 kr. Då fyret som blei bygd der, blei nedlagd, kjøpte redaktør Thv. Aadahl det gamle fyret i 1926 for 2600 kr., men selde i 1932 til Edvin Alten for 2700 kr. Rivingen, eller Ryvingen, er sett i skyld 3 øre.

«*Berimel østre*» bnr 8. Det er også eit Berimellem gått ut frå Molland. Skal vel være Berg i mellom. Bnr 8 gjekk ut frå bnr 1 i 1887. Ole Olsen Molland kjøpte for 240 kr. av Marie Andreasdr. Rasmus R. Østerhus kjøpte i 1932 for 1500 kr. Skyld 2 øre.

*Holvika* bnr 9. Denne eigedomen er skild ut frå Molland og Østerhus og har 8 gl. løpenr. Karl Henriksen fekk skj. i 1888 for 200 kr. av Georg Munch m. fl. Det var bygd hus her 1875. Sonen Hartvig Henriksen overtok i 1922. Eigedomen har 4 dekar dyrka mark. Skyld 2 øre.

*Mollandskjerr* bnr 11. Dette bruket er gått ut frå Østerhus og Molland, mest frå Molland.



Ole Christensen fekk kjøp på eigedomen i 1837 for 200 spd. Fekk seinare skyld mk. 2.28. I 1891 delte brørne Rasmus og Kristen Olsen eigedomen. Rasmus fekk bnr 11 av skyld mk 1.14, for 1350 kr. Peder Rasmussen blei utlagd eigedomen i 1916 for 5000 kr. Gjekk over til Ragna Rasmussen, som er dotter av Rasmus Olsen. Bruket har 13 dekar dyrka mark. Sætehus bygd 1860, påbygd 1917, uthus 1893.

*Mollandskjerr* bnr 13—14. Bnr 13 gjekk ut frå bnr 12 i 1858 då Rasmus Christoffersen selde  $\frac{5}{12}$  ksk til Peder Johnsen for 50 spd. Ny skyld 33 øre. Bnr 14 er gått ut frå Bakke. Jørgen Chr. Jacobsen selde til Peder Johnsen for 45 spd. Skyld 3 øre. Svend Olaves Pedersen fekk eigedomane i 1879. Det var bygd her ikr. 1840. Han selde i 1919 til Johan Bakke for 7000 kr. Bruket har 8 dekar dyrka mark og 15 dekar skog.

*Borkedalen* bnr 15. Denne eigedomen blei som nemnt utskild ved deling av bnr 12 i 1883. Anne Johanne og Juliane Rasmusdøtre fekk eigedomen, som har 15 dekar dyrka mark og 30 dekar produktiv skog, for 1500 kr. Nye hus bygd 1888. Juliane var gm Aanon Gundersen Tjore. Han skj. i 1896 over bruket til Kristoffer Rasmussen for 1000 kr. Sonen Lars Kristoffersen fekk eigedomen i 1919 for 3000 kr. Skyld mk. 0.76.

*Mollandskjerr* bnr 18, gjekk ut frå bnr 17 i 1879. I 1875 er det tinglyst arvefestebrev frå Lars Larsen til Skjelluf Kittelsen, på denne eigedom mot årlig leige  $3\frac{1}{2}$  spd. Nils Olsen løyste inn grunnleiga av Martinius Høiklev i 1913 for 290 kr. Frå 1939 har Gunda Kristiansen, dotter til Nils Olsen, denne eigedomen som har 10 dekar dyrka mark. Sætehus bygd 1872, nytt sætehus 1953.

*Mollandskjerr* bnr 20. Kristen Olsen overtok denne eigedomen ved deling av bnr 11 i 1891. Han selde i 1916 til Teodor Tellefsen for 4000 kr. Året etter kjøpte Jonas Paulsen

for 6000 kr. Anton Salvesen Mollandskjær kjøpte i 1919 for same sumen. Eigedomen har skyld mk. 0.87, etter at ein del parsellar er fråseld.

*Stranddalen* bnr 24 av skyld 55 øre, selde John Ingebretsen frå bnr 17 i 1919 til Rasmus Østerhus for 4000 kr.

*Solhaug*, bnr 25. Anton Salvesen Mollandskjær selde denne eigedomen i 1920 (frå bnr 20) til Regine Gundersen for 3000 kr. Ole Nilsen Nesvold fekk skjøte i 1941 for 5000 kr. Katrine Nilsen, enke e. Ole Nilsen, fekk utlagd eigedomen i 1948 for 3000 kr. Selde i 1950 for 4000 kr. til svigersonen Karl Wahlgren frå Sandefjord. Nye hus bygd 1951. Wahlgren er kvartermester på kongeskipet «Norge».

*Stranddalen* bnr 26 av skyld mk 0.73, er utskild frå bnr 2.

*Kapp* bnr 27 selde John Ingebretsen (bnr 17) til Didrik Nagelstad i 1935 for 75 kr. Hans mor og søsken overtok eigedomen i 1942 for 2500 kr.

*Flate Rivingen* bnr 28 er gått ut frå bnr 1, 10, 12, 15, 17 og frå gnr 12 bnr 14. I 1918 er tinglest at Kristen Tønnesen, Jørgen Bakke, Ole Halvorsen, Rasmus Østerhus og Lars Kristoffersen har selt sine partar til Nils Dannevig. Dr. Boe, Lillesand kjøpte same år  $\frac{4}{5}$  av holmen, og resten 1939 av Elise Dannevig for 250 kr.

*Engholmen* bnr 29 av skyld 10 øre, selde Karoline Bentsen (bnr 10) til H. Waarum for 500 kr.

*Dyneholmen* bnr 30 av skyld 3 øre, selde Anton Salvesen Mollandskjær i 1944 (frå bnr 20) til Kristian Kristiansen for 500 kr. Han overdro eigedomen i 1946 til si svigermor Lovise Andersen, for 250 kr. Lovise Andersen (Balstad) selde denne eigedomen og bnr 21 i 1951 til dottera Kristine Walle for 4700 kr. på nærare fastsette vilkår.

*Knausen* bnr 31 kjøpte Rolf Collet i 1947

av Karoline Bentzen (bnr 10) for 1900 kr. Skyld 10 øre.

*Krågevik Østre* bnr 33 av skyld 5 øre, gjekk ut frå bnr 26 Stranddalen i 1947. Rasmus Østerhus selde til sitt søskenbarn John Jensen for 400 kr. I 1949 gav John Jensen skjøte til direktør Sigfred Stephensen på denne eigedomen og gnr 12 bnr 19 og 22 for 10 000 kr.

*Fjellstua* bnr 34 av skyld 3 øre er gått ut frå bnr 1. Halvor Johan Olsen selde i 1952 til Cecilia Nagelstad for 5000 kr.

*Furukollen* bnr 35. Anton Salvesen (bnr 20) selde til Oskar Ursin i 1954 for 1900 kr. Skyld 10 øre.

*Kapp 2* bnr 37 av skyld 5 øre selde Johan Bakke (bnr 17) i 1955 til Didrik Nagelstad for 5500 kr.

#### BUSKAP, UTSÅD OG AVLING GJENOM TIDENE

1668: Garden er i matr rekna å kunne fø 2 hestar, 22 naut og 30 «smaler». Utsåd 7 tønner. Korntiend 2 tn  $4\frac{1}{2}$  notting.

Husdyrtalet var nok sett for høgt, for me får desse tal i

1723: 1 hest, 15 naut, 10 sauer, 8 geiter. Utsåd 7 tn.

1792: Utsåden er då sett til  $8\frac{1}{2}$  tn bygg med avling 42 tønner på dei tri bruk det var då. Av poteter set dei bare  $\frac{3}{8}$  tn med avling 3 tn.

1867: 2 hestar, 17 kyr, 3 ungdyr. Utsåd ca.  $7\frac{1}{2}$  tn av kveite, rug, bygg og havre, 18 tn poteter.

Dette er matr.oppgaver. I 1875 er det 1 hest, 15 kyr, 1 ungdyr og 1 gris på Østerhus og utsåden er ca.  $8\frac{3}{4}$  tn (2 tn kveite,  $\frac{3}{4}$  tn rug, 2 tn bygg og 4 tn havre). Dessutan 17 tn poteter.

Etter oppgave frå matr.kom. 1867 er det

omlag 150 mål dyrka jord til bruka på Østerhus. Nemnande dyrkingsjord er det ikkje.

Gjerul Aanonsen har «3 maal i skoven», Rasmus Kristoffersen 2 mål, Ole Christensen Mollandskjær 1 mål, men det samla dyrka areal er nå, som tidligare nemnt, vel 200 dekar, så det er likevel lagt ny jord under plog. Garden har ikkje utslåtter.

Om beitet heiter det: Østerhus, Lien, Molland, Bakke: Fælles havnegang, taalig beqvem, middels groevext, ikke tilstrækkelig.

Skog er det lite av til salg, bare for vel 21 spd for heile Østerhus, rekna dei med i 1867. Mest har Lars Larsen, som er ført opp med 8 spd netto av skogen.

#### *Då dei hadde fri maling på Dammen kvern.*

I 1746 la Erik Jensen Østerhus og Lars Hansen på Lien på vegne av åsittarane på dei to gardane sak mot eigarane av Molland, Christen og Lars Nielsen Lund, «anlangende den rætte rættighed som Østerhus og Liens oppsiddere formener sig at have udi en dam ved Strandfiord, hvorved en qværn findes, hvorudi de formener at vil bruge dammen enhver efter sin anpart av gaardens skyld». Det blir ført fleire vitne. Aslak Olsen «boende paa Schodden», møllar ved Dammen, vitna at oppsittarane på Østerhus nå i to år var nekta maling av dei 8 tønner korn som dei hadde fri maling av etter som han hadde høyrte seie . . . og hvad Lien betreffer derom ved han ingen beskjed saasom han er en fremmed», heiter det. Likevel har han høyrte seie at også Lien har hatt fri maling.

Anne Terkelsdotter, 53 år, vitna at ho og foreldra hennar hadde vore møllarar ved Dammen i 33 år. Dei på Østerhus hadde fri maling av 8 tønner, Lien 6 tønner. Og dei hadde «mod told eller betahling» rett til å få alt sitt korn malt føre andre. Det var oppsittarane på Molland som åtte kverna og hadde vedlikehaldet.

Det går fram av saka at det var part i kvenna «for saa vidt de efter skyld og andel er eiere av grund og vand», dei ville og at dei skulle betale for kvennebruket etter takst. Men dette hadde Lundkarane på Molland nekta å gå med på, men dei skulle få ha sin gamle rett til fri maling.

Saka blei vist til åstadsrett, men noe meir om denne rettssaka er ikkje funne.

*Gamle teignamn.*

Det var jordskifte på Østerhus i 1829 da Andreas Bentsen og Rasmus Christoffersen delte garden, nå bnr 1 og 2. Andreas Bentsen får av åker og eng: 1. Enervolden. 2. Kolgirdalen. 3. Fidjen. 4. Ton-ageren. 5. Østre del av Hjemmefloden. 6. Stykket ved Mollandsvaren. 7. Nedre Store Fløden. 8. Tuekarten. 9. Torfvold med Egerabbet. 10. Stykke ved Hampefjell. 11. Waren.

Skog: 1. Birkedalsstykket. 2. Stykke i Kibaasen. 3. Øvre del av Bronebakstykket.

Om gjerde og utmark heiter det: 1. Gjerdet fra Svaabæk til Andreas Pedersens gjerde 67 alen. 2. Et stykke i Rendehaven 24 alen, og det vestre stykke i stenhaven i Waren.

Rasmus Christoffersen får av åker og eng: 1. Nordjordet. 2. Vestre del av Hjemre Fløden. 3. Den østre Stomphaug. 4. Vestre Stomphaug. 5. Vestre nedre Fløden. 6. Pallen. 7. Strandedalstykket. 8. Det østre stykke i Waren.

Skog: Bronebak fra Hølvig sommer-kjørevei til sjøen. Også her er det gjerdeplikt m. a. «fra Andreas Pedersens udhuusers vestre laft og vest etter 87 alen».

*MERKNADER*

1. Sjå Tjore-ætta.
2. Sjå Holte-ætta II.
3. Det er skifte etter Knud Eriksen i 1736. Sjå om dette under Tjore-ætta.
4. Sjå Aasen-ætta.

Lia høyrer til det gamle gardkomplekset kring Molland, med Molland som den sentrale og opphavlige garden. Men før dei skriftlige kjelder tek til, er Lia — eller Lien som garden mest er skreven — blitt utskild som eigen gard. Først på 1600-talet finn me to brukarar der, Thore og Mons. I 1608 blir Thore og Mons saman med fleire andre dømt til å betale 2 dalar hver . . . . for de var tilsagt at de skulde tage zegel og roer fra tvende hollender schipper som imod forbud havde indtaget egetømmer og dette ikke angifuct den tid de fortollede.

Denne Thore Lien var nok elles og ein strid kar. I 1610 får han ½ dl i bot for «hand icke vilde gjøre welb. Styring Bol førendskab». Og samstundes blir han dømt fordi han heller ikkje ville skyssse Laurits Søffrenssøns «thiener». Thore er nemnt som krone og leiglendingsbonde i 1610 og utover til 1617, Mons som husmann 1610. Same året og fram til 1617 er nemnt Tarald Lien som husmann, Arnild Lien er nemnt i åra 1618—29, den siste tid som krone og leiglendingsbonde. Under sakefall 1620—21: Oluff Lienn for han hafuer beligget Ingeborgh Lassidaatter, derfor sonit pendinge 10 dr. Denne Oluff Lien er nemnt som «husmann» 1624—25.

Lia er ikkje nemnt under koppeskatten 1624 anna enn at Arnall Olufsen Lien, hans barn Aase som han er verge for, eig til odel i Midstu 4 ksk. Så garden har nok då vore på utanbygds hender, men i 1630-åra er Erich Lien og Aanond der, og det er då Tjore-Østerhusfolk som er komne til som eigarar. Lia var på 3 huder, og i 1643 ser me at Berulv Erichsen eig 1½ hud og Tollef Nilsen 1½ hud. Dei høyrde til same ætta.<sup>1</sup> Berulv som var frå Østerhus brukar med sine søsken halve garden i 1647. Den andre halvparten brukar Thølle Nielsen (Tellef Nilsen Tjore), men han bur ikkje på garden. Brørne til Berulv hadde delt Østerhus, og Berulv sat altså på Lia. Der var i 1645 også Thord og hans quinde og en quinde Marte.

Berulf Lienn betalar 1 dl 6 sk i kvegskatt 1657, Tarald som var husmann 16 sk, og Peder (Mor) Holdtzdall 1 ort 20 sk. Peder er i 1661 nemnt Peder Moholtsdalen paa Lien eye.

Berulv Erichsen sel nok sin halvpart i garden. I 1661 leiger han 3½ ksk av ein Laurits Andersen. Anders Pedersen eig og brukar 1 hud 2½ ksk og er då nemnt som bestemand. Aanon Nilsen og Thølle Nielsen eig og brukar hver ½ hud, og Svend Nielsen «leyer aff sin fader Nils Rugsland ½ hud». Nils Rugsland blir i 1658 teken for skattesnyting. Han blir

dømt til å betale 8 dl «... for 3 giedschind han eyer i Lienn i Landvig sogn som han for odels schatt haffde forsvegen».

I Landkom. taksering frå 1661 heiter det elles: «Beretter at Ko. May. skal være eyende til udskyld 3 gsk. Dog hafuer de udi 2 aar betalt det for landskyld.» Det ser såleis ut til at Lia og skal ha vore ein av dei gamle udskyldgardane.<sup>2</sup>

Det er ingen åsittar på Lia i 1664. Beruly Erichsen var flytta tilbake til Østerhus. Han var ungar og brydde seg vel ikkje meir med gardsbruket. Jon Nielsøn er nemnt som åsittar i 1666. På denne tida går nok omlag 2 huder i Lia over til eigarane av Molland. Dorthe Molland, enka etter Henrik Jacobsen Friis, eig og brukar 1 hud 3½ ksk i 1668. Tellef og Aanon Tjore eig hver 1½ gsk og dei brukar dette saman med 1½ gsk som Laurits Christensens arvingar eig, tilsaman 1 hud ½ gsk. «Skouff til brendefang, en part i en qvern i Strømsaaen, et vadret i søen», heiter det. Sår 6 tn, før 18 naut, 2 hester og 24 smaler. Korntiend 1 tn 3½ fj. Dette var fast norm for ein 3-huds gard.

Tellef Nere Tjore eig i 1674 odelsgoods 1½ gsk, Tellef Rugslands arvingar 1½ gsk, eller tilsaman 9 ksk. Resten eig Just Jacobsen Wolf på Molland. I 1680 sel Tellef Tjore det han eig i Lia til Just Jacobsen. Han står som eigar av 2 huder 7½ ksk i 1701. Isach Larsøn Falchs arvingar eig 4½ ksk. Det er Just Jacobsen som brukar garden då, og det er ingen åsittar. Just Jacobsen var gm Dorthe Christensdtr, enke etter Jacob Henriksøn Friis. Då Dorthe var død i 1708, må nok Just gje over godset. Det var visst Mogens Mogensen Lind, son til sokneprest Mogens Lind, som var utset til å overta Mollandsgodset. Men lieutenant Mogens Lind sel i 1719 til sin stefar, Anders Olufsen Grull 3 huder i Lien for 320 rd. Det var trulig elles ikkje m̄eir enn 2 huder 8 ksk.

Capitain Thomas Thomassen står som eigar av dette i 1723. Ole Skoddet har 3½ ksk. Desse 3½ ksk hadde Peder Thomassen i Arendal kjøpt i 1717, og han selde til Ole Leifsen i 1721 for 52 rd.

Niels Olsen er brukar av 1 hud, Hans Olsen 1 hud og Hans Morholt 1 hud i 1723. Det er oppgjeve ein utsåd på 6 tn 6 skj og at garden kan fø 15 naut, 3 sauer og 5 geiter. «Skov til ilding. Lætvindt.»

*Jørgen Munch kjem til Lia.*

I 1724 kjøper degnen Jørgen Munch 2 huder 7½ ksk i Lien og 3 ksk i Liens Ægre for 399 rd. Og Munch-ætta blir så sittande på Lia i 180 år, til den siste Jørgen Munch må la garden gå frå seg i 1904.<sup>3</sup> Jørgen Munch kjøpte til 3½ ksk i 1752 for 38 rd, men straks han hadde kjøpt i 1724 selde han ½ hud i garden til Hans Larsen Morholt for 60 rd. Jørgen Munch blir i 1725 dømt til å betale Elef Thomesens arvingar i Arendal omlag 95 rd som rest på vekselgjeld på 166 rd ved gardkjøpet året før. Det er trulig at han ikkje har greidd å betale dette, for i 1736 ser me at madam Margrethe sal. Elif Thomesens, har overdrege til Anders Terjesen Einertraa 1 hud 4½ ksk for 170 rd. Og det er ein slik part av Lia Knud Bentsen brukar i 1792. Jørgen Munch d.y. brukar 1 hud 7½ ksk. Når sjølv gardedlinga var, veit me ikkje, men det er truleg at det er i 1730-åra, og at Morholtfolk har brukt den fråskilde eigedom. I 1750 skifter Lars Hansen Morholt og Knud Jonsen Einertrø til seg 8¼ ksk.

Jørgen Munch gifte seg i 1742 med Gjertru Bentsdtr Imenes. Han var då 62 år. Knud Bentsen Imenes var gm Signe Larsdtr Morholt og kom til Lia i 1758. Han overtok då «Morholtbruket». Ved sk i 1772 åtte han 9¾ ksk i garden og dessutan vel 4 ksk i Morholt. Jørgen Munch døde i 1767, Gjertru Bentsdtr 1772.



*Munchs gamle gard. — Mannen som sit t. h. er Lars Aas med kone og born. Den høge mannen med lys hatt er Ludv. Longum.*

Sonen Jørgen Jørgensen Munch fører då tingsvitne på at han er eigar av 1 hud  $1\frac{1}{2}$  ksk i Lia og 3 ksk i Liensægre. Han gifte seg med ei jente frå Aasen, Maren Svendsdr. Aasen var den gongen plass under Landvik. Men Jørgen Munch d.y. var ein sjølvstendig kar som nok gjekk sine egne vegar. Han var ein god ven av Kristian Lofthus og ein av hans hjelpesmenn i Landvik. Jørgen Munch selde garden i 1807 til Jacob Nilsen Indtjore (Jacob Degn), 1 hud  $7\frac{1}{2}$  ksk for 400 spd. Jørgen Munch junior kjøpte garden att i 1811 for 2400 rd. Jørgen Munch budde trulig i Morholtsdalen etter at han hadde selt garden. Han gifte seg oppatt i 1810 med Helje Gundersdr, og då var dei i Morholtsdalen. Jørgen Munch døde 1816 — 72 år gl.

Jørgen Munch III overtok som nemnt Lia i 1811. Etter hans død 1844 gjekk garden til sonen Georg Martinius Munch, som fekk utlagd 1 hud  $7\frac{1}{2}$  ksk for 600 spd, Georg Munch

var skipper og skipsreder. Han hadde mange døtre, men bare ein son, Jørgen som var styrmann i 1875. Georg Martinius Munch døde i 1897. Sonen Jørgen Munch budde då i Grimstad. Han fekk utlagd garden i 1900 for 10 000 kroner, men måtte gå frå i 1904 då garden, bnr 1, blei seld på auksjon for 9000 kr. Lars Aas frå Birkenes f 1871, kjøpte garden. Han bygde nye hus 1909. Eigedomen har 65 dekar dyrka mark og 400 dekar produktiv skog. Skyld mk 6.25. Det er fråseld noen parsellar og hyttetomter dei seinare år. Lars Aas har og bnr 6 av skyld mk 1.12. Denne parsellen kjøpte han av arvingene etter Aanon Bentsen i 1910 for 3650 kr.

*«Morholtbruket».*

Som nemnt åtte og brukte dei på Morholt noe av Lia i første halvpart av 1700-talet. Knud Bentsen Imenes sat med denne gardparten 1 hud  $4\frac{1}{2}$  ksk frå ikr. 1758 til 1793,

då han selde til Jacob Degn. Han makeskifte same år med 1 hud i Hesthagen og 45 rd i mellomlag. Aanon Guttormsen gm Johanne Pedersdtr, enke etter Gunder Gundersen Vatnestrand, fekk garden. Men det blir til at Jacob Degn må taka garden att. I 1805 sel Marthe Knudsdr, dotter av Knud Bentsen, odelsretten til Jacob Degn for 50 rd, men året etter er dei i forlikskommisjonen og der går Jacob med på å levere garden neste år mot løysingssum 926 rd 1 ort. Same året sel så Marthe Knudsdr til Hans Gundersen for 1198 rd. Hans var steson til Aanon Guttormsen. Han greidde nok ikkje å sitte med bruket, for i 1806 sel han til Willum Christensen Groos for 1071 rd.

*Bruket blir delt.*

Willum Groos gjorde forretning på dette kjøpet. Han delte bruket i tri. Han selde halvparten,  $8\frac{7}{32}$  ksk, til Aslak Sørensen Imenes for 680 rd (lnr 28 a),  $\frac{1}{4}$  til Bent Andreassen Østerhus for 300 rd (lnr 28 b). Ole Nilsen Skiftenes kjøpte resten, lnr 28 c, for 300 rd. Dei to siste partane blei sidan slått saman og er bnr 2 nå.

Lnr 28 c selde Gunhild Salvesdtr, enke etter Bent Andreassen Østerhus, i 1809 til Gjerul Nilsen Tjore. Han sat med gardparten til 1831, då han selde til Christen Olsen for 200 spd. Christen Olsen, eller Christen Olsen Øslebø som han egentlig heitte, hadde kjøpt lnr 28 a i 1811. Han selde 28 c i 1836 til Tønnes Ommundsen Holte frå Birkenes for 200 spd. Tønnes Ommundsen, farfar til Tønnes T. Lia, kjøpte så i 1860 lnr 28 b for 600 spd av Hans Johnsen Morholt. Faren, John Hansen Morholt, hadde kjøpt eigedomen i 1807. Tønnes var gm Trine Christensdtr Valbeland. Ho sat med bruket frå 1869. I 1871 blei dei to bruk slått saman med noen andre små stykke til bnr 2 nå. Sonen Kristen Tønnesen overtok i 1874 for 2500 spd. Kristen selde året etter til broren

Ommund Kristian for 2550 spd og flytta til Langemyr der han tok til å rydde seg ny gard. Ommund sat med garden til 1918. Sonen Tønnes T. Lia fekk skj for 11 500 kr. i 1923.

Tønnes Ommundsen bygde nye hus i 1860, både sætehus og uthus. Sætehus modernisert 1950. Bnr 2 har 32 dekar dyrka mark og 125 dekar produktiv skog. Det er i dei seinare år frâseld ei rekke hyttetomter og parsellar. Skyldet som i 1923 var mk 2.75, er nå mk 1.28.

*Morvig bnr 3—4.*

Aslak Sørensen Imenes kjøpte som nemnt lnr 28 a i 1806 for 680 rd. I 1810 fekk Nils Knudsen bruket for 500 rd. Han selde i 1811 til Christen Olsen Øslebø for 800 rd. Christen var gm Tonje Sivertsdtr Torp, men dei hadde ikkje born. Då Tonje blei enke, selde ho garden i 1844 til Knud Olsen Tønnesøl for 657 spd. Knud selde i 1849 frå to skogstykk i Morviga,  $\frac{1}{16}$  av bruket, for 100 spd. Dei som kjøpte var Bent Aanonsen og Aanon Bentsen Østerhus, som då dreiv skipsbygging i Morviga. Det frâselde stykket er bnr 4 Morviga. Husa der blei bygd 1845. Knud Olsen sel heile garden i 1851 til Bent Aanonsen for 700 spd. I 1879 går begge bruk til Aanon Bentsen for 6000 kr. Jakob Bentsen overtar i 1885 for 8000 kr. Einar B. Morvig i 1944, også for 8000 kr. Bnr 3 Lien har skyld mk 0.68, bnr 4 Morvig, mk 0.93.

*Skipsbygging i Morviga.*

Frâ gamalt av har dei bygd skuter i Morviga. Nils Torjussen på Molland som var gm Elisabeth Arntsdr v. Campen, bygde i 1779 brigskipet Elisabeth på  $39\frac{1}{2}$  kommercelester, og Jørgen Munch på Lia bygde der skonnerten I Tro og Haab i 1782. Denne skuta var på 34 kom.lester. For Peter Juell Bie blei i 1824 bygd skonnerten Ebenetzer på  $32\frac{1}{2}$  kom.lester.

Mathias Gundersen Morholt, son til lensmann Gunder Danielsen skriv:

«I Morvigen var det alltid livligt med de mange Danmarksfartøier. Der stod 3 sjøboder, hvorav den ældste var min faders og de to andre tilhørende min fætter Lars Larsen og Andreas Pedersen Østerhus. Men virksomheten blev meget større da min broder og hans svoger (Daniel Gundersen og Andreas Pedersen) — Kompagniet som de kaldtes — begyndte skibsbygning der. Efter at Jensen paa Tingvold, straks før han solgte denne gaard og flyttede til Randøsund, havde bygget en liden brig i Morvigen, begyndte Kompagniet at bygge lignende fartøier og fik dertil Jensens forrige bygmester Bent Aanonsen, som boede paa Grefstad indtil han i 1838 kjøbte Andreas Pedersens brug i Østerhus.

Det første fartøi som Kompagniet byggede, var en brig som de solgte 1832 til grosserer Andreas Tofte i Christiania, som han var der personlig og kjøbte. — Tofte fik 2 lignende fartøier de følgende aar. Kompagniet byggede videre der, indtil det i 1839 blev hævet, briggene Preciosa for N. P. Nielsen, Patria for Søren Holst og Agder for Jørgen Johnsen. I samme tid byggede Lars Larsen Østerhus 2 a 3 brigger der.»

Mathias Gundersen kjøpte i 1839 Andreas Pedersen part i verftet. Det stod då ein skonnert under bygging. Mathias og broren Daniel fekk mange store arbeid. Mathias kjøpte Hasseldalen ved Grimstad og flytta buer og beddingar frå Morviga, og Bent Aanonsen blei med dit som skipsmester. Det blei slutt i Hasseldalen i 1848. Bent Aanonsen flytta då tilbake til Morvig og dreiv skibsbygging der. Han bygde briggen Seagull for Erik Børresen i Drammen. Sidan leverte han til Grimstad brig-gane Sparebanken og Bikuben, barkane Lotus og Sundsvall som blei bygd samtidig og brig-gane Emulation og Nor. Til Elias Jacobsen Molland bygde han Danmarkssluppen Oscar, og til Chr. Holst skonnerten Dragedukken.

Bent Aanonsen overdro i 1859 verven til sonen Aanon Bentsen, som frå 1861 til 1879 bygde barkskipa Gitana, Galathea, Alliance, Concordia og Amazon, dei to siste samtidig. På same tid bygde han og briggen Kyrre og

barken Chasseur, vidare barkskipa Kronos, Morvig og Eliezer. Kyrre kom til Lillesand, alle dei andre til Grimstad.

Aanon Bentsen hadde «Nye verv» i Morviga med 2 beddingar, men etter 1879 er det slutt med bygginga der.

#### UTSKILDE BRUK OG PARSELLAR

*Bnr 5* blei utskild frå bnr 1 i 1894. Bendiks Salvesen fekk skjøte av Georg Munch i 1896 for 3650 kr. Bendiks Salvesen bygde sætehus i 1894, uthus 1896. Sonen Anton Salvesen overtok i 1922 for 10 000 kr. Bruket har 28 dekar dyrka mark og 50 dekar produktiv skog. Skyld mk 0.71. Bnr 20 Hesthagen er fråseld denne eigedomen.

*Sjøstrand* bnr 7 er gått ut frå Østerhus og Lia 1921. Skyld 10 øre. Sætehus bygd 1876. Samuel Jørgensen fekk skjøte på grunnen i 1922 for 500 kr. Eigar nå Anna Jørgensen.

*Solheim* bnr 8. Her blei bygd på bygsla grunn i 1874. Grunnen utskild frå Østerhus og Lien 1921 for 250 kr. Eigar Marie de Place Grøm.

*Havblikk* bnr 9 av skyld 12 øre er også gått ut frå Østerhus og Lia. H. T. Wolden fekk skjøte i 1921 for 350 kr.

*Holvikholmen* bnr 11. Karen Hansdtr, enke etter strandsittar Ole Arnesen Holmen, gir i 1857 skjøte til «sømand Ole Andreas Knudsen paa hendes paa pladsen Holmen u.d.g. (Lien) og gaarden Ytre Østerhus staaende waaningshus med iværende kakelovn, mur- og naglefaste indretninger, samt arvefæstegrund hvorav svares i aarlig avgift 1 spd, for avgjort kjøbesum 275 spd.» I 1912 overdreg Anne Katrine Knudsen hus med arvef. grunn til Anton Henriksen. Grunnen blir utskild frå Østerhus, Lia og bnr 8 Molland i 1926, med skyld 15 øre. Enke Anna Henriksen Holmen får skjøte i 1934 for 200 kr. Ho sel eigedomen i 1935 til Johan Rams-



land for 2500 kr. Sverre Lie kjøper i 1938 for 9000 kr.

*Solstrand* bnr 12 blei utskild frå bnr 2 i 1933. Olava Bie, arving etter Oskar Hansen Holvik, selde i 1936 til John Johansen for 2000 kr. Eignedomen gjekk over til søstera Sofie Jørgensen, som i 1953 selde til Yngvar Olsen for 14 500 kr.

*Oldheim* bnr 13. Fiskar Konrad Johansen har denne eignedomen. I same ætt sidan 1850. Sætehus bygd 1855. Utskild frå Østerhus, Lia og Molland.

*Solhaug* bnr 14 gjekk ut frå bnr 2 i 1935. Tønnes T. Lia selde til Herman Andersen for 140 kr.

*Stranna* bnr 15 av skyld 10 øre selde Lars Aas i 1935 til Arnfinn Bull-Hegge for 1000 kr.

*Soløy* bnr 16 er gått ut frå bnr 3. Olaf Olsen fekk skjøte i 1938 for 400 kr. I 1954 gjekk eignedomen over til Gunnar Staff-Paulsen for 3000 kr.

*Sjøstua* bnr 17 av skyld 6 øre selde Lars Aas til Kitty Kohman i 1937 for 1000 kr. Mildred Halle kjøpte i 1941 for 1300 kr.

*Pollen* bnr 18 av skyld 15 øre er gått ut frå bnr 2. Torborg Gjestland kjøpte av Tønnes T. Lia i 1935 for 3500 kr.

*Morvigbytta* bnr 19 av skyld 9 øre er gått ut frå bnr 3. Jacob Bentzens arvinger skj til Chr. Lange-Nielsen i 1944 for 6500 kr.

*Hestbagen* bnr 20 av skyld 5 øre er gått ut frå bnr 5. Anton Salvesen selde i 1946 til søstera Bertha Øyan for 200 kr.

*Nabben* bnr 21 av skyld 6 øre skj Tønnes T. Lia til Thorleif Lande i 1946 for 900 kr. Paal Wilson kjøpte i 1947 for 18 500 kr.

*Monen* bnr 22 av skyld 8 øre er gått ut frå bnr 3. Einar B. Morvig selde i 1947 til Ole Birger Severinsen og Per Bjørge Severinsen for 1000 kr.

*Haakallen* bnr 23 av skyld 7 øre selde Einar

B. Morvig i 1947 til Enok Johannesen for 2000 kr. Han selde i 1951 frå bnr 36 Andøya til Ulf Alex Larsen for 2000 kr.

*Stangholmen* bnr 24. Einar B. Pedersen kjøpte av Einar B. Morvig i 1947 for 1750 kr. Eivind Sætra kjøpte i 1953 for 3000 kr.

*Ramsbolmen* bnr 25 av skyld 7 øre er gått ut frå bnr 3. Einar B. Morvig selde i 1947 til Leif Munch Jensen for 3000 kr. Han selde same år til Thora Andvig for 4500 kr.

*Bratthauve* bnr 26 er gått ut frå bnr 1, skyld 10 øre. Lars Aas selde i 1947 til Frantz Nilsen for 1000 kr.

Tønnes T. Lia har vidare seld frå bnr 2:

*Knausen* bnr 26. Torleif Lande kjøpte i 1948 for 550 kr. Selde i 1952 til oversøster Olga Idalen for 2600 kr.

*Jernfjell* bnr 8 av skyld 5 øre kjøpte Tor Frønsdal i 1948 for 15 000 kr. Sverre Knudsen kjøpte same år bnr 29 *Fagerås* av skyld 6 øre for 1500 kr. *Solknausen* bnr 30 kjøpte Harald Thomassen i 1948 for 500 kr. Selde til Mikal Lie i 1953 for 14 500 kr. Tor Frønsdal kjøpte i 1948 bnr 31 *Havsyn* for 884 kr. Paal Wilson fekk same år skj på bnr 32 *Nabben* for 766 kr. *Solbøgda* bnr 33 av skyld 4 øre kjøpte Axel Esmark i 1949 for 13 000 kr. Herman Andersen fekk skj på bnr 34 *Solhaug II* i 1949 for 500 kr., og i 1950 *Solhaug II* bnr 35 for 300 kr. *Havgløt* bnr 37 fekk Reidar Berg i 1951 for 1039 kr. Han selde til Fredrik Moe i 1952 for 12 450 kr. Olga Idalen kjøpte bnr 38 *Solknausen* i 1951 for 1084 kr. Selde same år til Jørgen Jørgensen, som i 1956 skj eignedomen til Mikael Lie for 1500 kr. *Havblikk* bnr 39 kjøpte Tore Øistein Løvstad i 1951 for 969 kr. Selde til Fredrik Moe i 1953 for 1600 kr. Axel Esmark kjøpte bnr 40 *Solbøgda II* i 1951 for 1152 kr. Bnr 42 *Bakkeli* fekk Arne Pedersen skj på i 1951 for 752 kr. Eignedomen verdsett til 25 000 kr. ved skifte 1956.

*Havglans* bnr 44 av sk 8 øre kjøpte Eivind Sætra i 1952 for 1800 kr. I 1953 kjøpte han bnr 46 *Solhaugen* av Finn Andersen for 700 kr. Andersen hadde kjøpt av Tønnes T. Lia året før for 500 kr. Eivind Sætra selde i 1956 begge egedomane til Nils Gjeruldsen for 22 900 kr. Eivind Sætra kjøpte bnr 45 *Furuknatten* i 1953 for 500 kr. *Sollia* bnr 49 av sk 7 øre kjøpte Olav Neset i 1953 for 1500 kr. Selde i 1955 til Johanna Johansen for 14 000 kr. Mikael Lie kjøpte bnr 50 *Solknausen 2* av sk 12 øre i 1953 for 2500 kr. *Fjellbu* bnr 51 fekk Harald Thomassen i 1953 for 500 kr. Han selde året etter til Aase Staff Gundersen for 9000 kr. Ho kjøpte *Fjellbu 2* i 1956 for 240 kr. Fredrik Moe kjøpte *Havgløtt 3* i 1953 for 250 kr., og *Havgløtt 4* i 1956 for 800 kr. Same året selde Tønnes T. Lia bnr 55 *Eilund*

av skyld 6 øre til Arnfinn Lund Waaland og Einar Bertelsen for 1000 kr.

*Uroa* bnr 41 av skyld 3 øre er gått ut frå bnr 8. Marie de Place Grøm skj egedomen til dottera Johanne Louise de Place Moe for 100 kr. Sætehus bygd 1952.

*Lille Maagholmen* bnr 47 av skyld 5 øre og *Store Maagholmen* bnr 48 av skyld 6 øre selde Lars Aas i 1953 til Ulf Alex Larsen for 3000 kr.

*Kvernhusøya* bnr 54 av skyld 5 øre selde Einar B. Morvig i 1955 til Karen Garnes for 2500 kr.

#### MERKNADER

1. Sjå Tjore-ætta.
2. Sjå om dette under Udjus og Torp.
3. Sjå Munch-ætta.

## LIENS EGRE

Gnr 11

Denne garden var opphavlig plass under Lia. Her budde i 1650-åra husmennene Taral og Peder. Det var trulig to brør. Taral Arnesen var 52, Peder Arnesen 44 år i 1664. Peder er under kvegskatten 1657 nemnt Peder Holtsdal, seinare Morholtsdal, så det var nok der han budde. Og Morholtsdalen er nok det namnet som mest har vore brukt og som blir brukt ennå om det gamle bruket der, medan Liens Egre har vore det offisielle namnet.

Liens Egre blei serskilt skyldsett ved matr 1668 og fekk då skyld 3 ksk. Peder og Taral er oppført som brukarar med 1½ ksk hver. I 1701 er det enkene Karen Andersdtr og Barbara Steffensdtr som er brukarar på Liens Egre, men går me til kyrkjebøkene, finn me ikkje namnet nemnt før ut på 1800-talet. Det er Morholtsdalen dei brukar. I 1695 ser me at Stephens Mari i Morholtsdalen blir gravlagd, 85 år gl. I 1695 blir gravlagd Arnil Pedersen Morholtsdal 14 år. Stephen Morholtsdal har 1708 sonen Peder til dåpen, i 1709 Thore.

Jørgen Munch kjøpte Lien og Liens Egre i 1723. Hans Olsen hadde brukt 1 hud i Lia, men flytta nok til Morholtsdal, for i 1733 ser me at Jørgen Munch stemner Hans Olsen Morholtsdalen «fordi han uden hans minde haver tiltaget sig pladsen Morholtsdalen og den vaar-

vundet uanseed han var forened avvigte aar pladsen at fravige».

Hans Olsen møtte og la fram kontrastemning «til pladsens beholdelse og til satisfaction at nyde for grov beskyldning for ran og hugst udi skougen og endelig tiuvs beskyldninger». Så Jørgen Munch hadde nok lagt hardt i veg. Begge partar hadde stemna vitne. Men desse blei det ikkje bruk for. Saka blei utsett til neste dag og då var partane blitt forlikte. Hans Olsen og kona skulle for livstid få bruke Morholtsdalen som skylder ½ gsk mot årlig avgift 1 rd 2 ort . . . . og brændefang til nødvendighed av vindefald og skoug-topper som findes beliggende udi gaarden Liens skoug, heiter det. Hans skal få festesetel på «behørig cronet papir».

Det ser etter dette ut til at det var halvparten av Liens Egre som var lagd til Morholtsdalen. Resten brukte nok Jørgen Munch sjøl. Noen år etter må elles Hans på ny gå rettens veg. I 1737 får han dom for at han har rett til å sitte på plassen som han tidligare har bygsla. Jørgen Munch hadde sagt han ut frå plassen.

I 1730-åra budde også sonen Ole Hansen i Morholtsdalen. Han vigde i 1733 med Astri Hansdtr Morholt og dei fekk sønene Hans,

Nils og Aanon. Ole flytta til Bie i Fjære, der han budde då faren døde i 1762.

Nils Hansen Morholtsdalen gifte seg i 1745 med Marthe Povelsdtr Dokkedal. Dei budde i Morholtsdalen i alle fall til 1748 då dei hadde sonen Povel til dåpen, men flytta sidan til Koksnes.

Hans Olsen var nærare 80 år då han døde. Kona var trulig Maren Nilsdtr som døde i 1753 — 78 år gl. Ved sk etter Hans var det netto for ca. 56 rd. Av dette var 26 rd for hus. Forutan stova var det stolphus, løe og låve, badstu og fehus . . . alt i brøstfældig stand, heiter det. Og det kan ein nok tenke seg sidan taksten bare blei 26 rd. Av buskap var det bare 1 ku som skrivaren tok for skiftet. Gjertrud Beintsdtr, enka etter Jørgen Munch, var tilstades på skiftet og kravde plassen rydda nå då bysgelmannen var død. Men retten tok trulig ikkje omsyn til dette, for Marthe Hansdtr, som var gm Hans Terkelsen, overtok plassen. Marthe døde elles året etter. Dei hadde ein son Terkel som då var 1 månad gl. Hans Terkelsen blei buande på plassen og gifte seg oppatt same året med Gunlov Aanonsdtr Kyland. Dei fekk borna Marthe 64, Ingebor 66 og Terchil 68. Sidan er dei ikkje nemnt og er trulig då flytta frå og dei gamle hus revne.

I 1792 brukar Jørgen Jørgensen Munch Liensægre 3 ksk der han sår  $\frac{1}{2}$  tn bygg og avlar 3. I 1723 då Karen Christoffersdtr ennå sat på plassen, var utsåden 1 tn og buskapen 4 naut og 3 geiter, etter det dei rekna garden kunne fø.

Jørgen Jørgensen Munch den andre kom til å leve sine siste år i Morholtsdalen. Han selde Lia og bygde då trulig like etter dei hus som ennå står i Morholtsdalen. Det er opplyst at dei skal vere frå 1812. Han hadde gifta seg oppatt i 1810 med Helje Gundersdtr som då er nemnt Helje Gundersdtr Morholtsdalen. Jørgen Munch døde der 1816, men på skiftet

er det nemnt Liens Egge. Den eldste av sønene, Jørgen, hadde fått kjøpt att Lia. Det blei den yngste av sønene, Gjert, som fekk Liens Egge. Han døde som follaugsmannder i 1875 — 88 år gl.

Namna Liens Egge og Morholtsdal blir brukt om ein annan i denne tid. I 1838 då ei dotter av Gjert gifter seg med losen Jens Olsen Haaøe, er ho såleis nemnt Elisabeth Marie Gjertsdtr Morholtsdal.

Gjert Jørgensen Munch feste i 1841 til sonen Sevrin Fredrik Gjertsen Barbro Moenmyr og Langemyr for årlig avgift 1 ort. I 1853 skilde han frå Karten, bnr 2 nå, som han selde til Nils Reinhart Christiansen for 40 spd. I 1856 selde han frå eit stykke av Langemyr til Tønnes Ommundsen Lia for 50 spd (nå gnr 10 bnr 2). Resten bnr 1 av gl. skyld  $2^{10}/_{16}$  ksk overdro han i 1863 til sonen Sevrin Fredrik Gjertsen Munch mot follaug.

Sevrin Munch var gm Hellene Sakariasdtr. Ho var f i Spind 1819 og sat som enke på Liens Egge i 1875. Der budde og Bent Christian Ariansen som var frå Lyngdal. Han var gm ei dotter av Sevrin Munch, Charlotte Matilde. Bent var slaktar. Dei hadde ein son Sevrin Adolf f 1873. Hellene sat med bnr 1 til ho i 1902 selde til Tellef Osmundsen Hostøl for 2980 kr. Ho døde på Gullsmekleiva i Fjære året etter.

Osmund Tellefsen Morholtsdalen f 1904 fekk skj på bruket etter foreldra i 1949 for 8800 kr. Bruket har eit samla areal på 180 dekar. Av dette er 30 dekar dyrka mark og 75 dekar produktiv skog. Sætehus bygd som nemnt ikr. 1812 i 2 høgder, påbygd 1900, uthus bygd 1898.

Bnr 2 Karten kjøpte som nemnt Nils Reinert Christiansen i 1853 for 40 spd og bygde nok der. Han gifte seg i 1855 med Ane Marie Johnsdr Lien. Dei hadde borna Regine Andrea

1855, John 58 og Hans Kristian 61. I matr.-komm. oppgave 1867 står Nils oppført som eigar av lnr 29 b Liens ækre som då har 6 dekar dyrka mark og kan fø 1 ku. I 1875 står han oppført under Langemyr. Han kjøpte av Molland og la til bruket sitt, bnr 32 Molland nå. Han kjøpte bnr 3 Liens Ekre av Terje Stalleland i 1872 for 67 spd 60 sk. Dette bnr har ei rekke gl. lnr, dei fleste gått ut frå Molland og skyld 7 øre. Kartan har skyld 15 øre, bnr 32 Solodden (Molland) har sk 10 øre. I 1875 fødde dei 2 kyr og 1 ungdyr, sādde noe korn og sette 4 tn poteter. John Nilsen overtok bru-

ket mot follaugskontrakt i 1893. I 1913 er Gusta Langemyr eigar. Ho sit i uskift bu etter John Nilsen Langemyr. I 1946 gjev ho skj til sonen Nils Reinhart Nilsen for 9000 kr.

*Langemyr* bnr 4 gjekk ut frå bnr 1 i 1915. Det var eit lite stykke som Tellef Osmundsen selde til August Andersen for 30 kr. Sjø gnr 12 Molland bnr 16.

*Rennebagen* bnr 5 av skyld 1 øre blei fråskild bnr 1 i 1930. Gusta Nilsen Langemyr skj i 1947 over dette stykket til sonen Nils Reinhart Nilsen for 1000 kr.

## MOLLAND

Gnr 12

Den som i dag hastar med bil over sletta på Molland, ser ei samling av hus, eit par forretningar, noen mindre gardsbruk. Det meste av det som ligg på vestsida av vegen høyrer til det gamle underbruk Bakke, som tidlig blei serskilt matrikulert med skyld 2 huder, men som faktisk alltid hadde vore ein del av Molland. Det heiter då også i eit skifte frå 1766: «Den under gaarden Mollands strækning beliggende gaard Bakke». Det meste om Bakke må me derfor ta med under Molland.

På Molland vandrar me på gamal kulturjord. Ei mengd fornfunn vitnar om det. Her er det funne ei øks av bronse, armbøyler og beslag av bronse, spyttoddar av flint og av jern, økser og fragment av tviægga sverd, handsnellehjul av kleberstein, glasperler og andre ting.

Molland har heilt sikkert vore den opphavlige garden i det som nå er ei heil grend med seks matrikkelgardar: Molland, Østerhus, Bakke, Lia, Liens Ekre og Tingvoll. Østerhus og Lia med Liens Ekre var utskilde egne gardar først på 1600 talet veit me, men når dei blei utskild, veit me ikkje. Molland hadde først på 1600-talet ei skyld av 6 huder, Bakke 2 huder og var då samla like høgt i skyld som Landvik, nen Molland er i matr 1668 sett ned til 4 huder. Saman med Bakke var det likevel ein iv storgardane i Landvik.

I 1507 kunngjer arveprins Christian at «os elschelige Gunder Jonszen» skal ha ei rekke gardar m. a. «Maalandt». Det er visstnok første gongen Molland er nemnt.<sup>1</sup> Neste gong me finn Molland er i 1591 då Niels Maalandt er lagrettemann og er med og vel utsendingar til kongehyllinga i Oslo. Niels Maalandt er trulig Nils Jacobsen Friis, og Friis'ane har då fått slått til seg Molland. Noen år etter sit broren Henrik Jacobsen Friis på Molland, det veit me. Han er nemnt frå 1610. I 1643 er han eigar av 3 huder i Molland og 2 huder i Bakke. I 1647 er han eigar og brukar av 3 huder i Molland og leiger 3 huder av arvingane etter Jørgen Klausen i Skien.

Henrik Jacobsen Friis var f 1580 og døde ikring 1650, for i 1651 er det arvingane hans som har garden. Henrik var gm Maren Engelsdtr, ei dotter av lagmann i Skien Engel Jensen. I 1654 og utover heiter det: Maren Engelsdotter eier med sine born og bruker samme 6 huder. Ho er såleis blitt eigar av heile Molland.

I 1657 heiter det: Maren Engelsdatter og hindis søn Jacob Hendrichsøn eiger og bruker Molland og Bache 8 huder. Dei brukar hver 4 huder, det ser me av kvegskatten same året, men garden var nok ikkje delt. Til arbeid på den store garden hadde dei nok husmenn. I mt 1664 er det elles bare nemnt ein hus-

mann, Torbjørn Olsen, men koppskatten 1645 nemner disse under Molland: Hallduord og hans quinde og en pige Karen. Madtz og hans quinde, en pige Karen. Ommund og hans quinde. Søfren Christensen og hans quinde. Christen og hans quinde, toe piger Torbør og Anne. Oluff Nielsen og hans quinde.

Det er uråd å finne ut hvor desse budde. Christen var nok på Bjørøya som var gamalt hopehav mellom Molland og Østerhus og Lia. Landkom. 1661 nemner og bare ein husmann under Molland, Christen Bruerøen. Sktmt 1661 nemner Torbiørn Aagermyr på Mollandseie, sikkert den same som Thorbjørn Oluffsen. Skoddet var ein gamal sameigeplass for den gamle gardkretsen.

Jacob Henrichsen sat som åsittar på Molland i 1664. Han var då 42 år gamal. Han døde året etter, og det blei enka hans, Dorthe Christensdtr Torup, som kom til å overta garden. Jacob hadde elles ein bror, Henrich, som var ugift. Han åtte og brukte 4 ksk i 1668, medan «enchen Dorthe med sine born» åtte og brukte 3 huder 8 ksk. Garden var då som nemnt sat ned i skyld til 4 huder. Henrich åtte og brukte au 7 ksk i Bakke. Resten hadde Dorthe.

Etter matr 1668 kan Molland fø 24 naut, 3 hestar og 30 «smaler», Bakke 11 naut, 1 hest og 16 smaler. Men så mykje buskap hadde dei nok ikkje. Utsåden på dei to gardane er sett til 12 tønner.

Dorthe og Jacob Friis hadde 5 døtre, men ingen søner. Ei av døtrene, Karen, blei gm den rike Arendalskjøpmannen Christen Ellefsen, og dei overtok Landvik.

Dorthe Christensdtr sat enke på Molland noen år. I 1671 ser me såleis at Peder Søfrensen Nærebø har pantsett 11½ ksk i Molland som kona hans har arva, til Dorthe Christensdtr Molland, enke etter Jacob Henrichsøn. Men i 1774 gir Henrich Henrichsøn Molland pantebrev til «svogeren» Just Jacobsøn Wolf på 1

hud 11 ksk. Same året står Just Jacobsøn med hans stiffbørn oppført som eigar av 4 huder i Molland, 2 huder i Bakke og dessutan «odels-gods» i Lia 1 h 3½ gsk og til pant 1½ gsk, eller tilsaman 2¼ hud i Lia. Dessutan pantedods i Øvre Østerhus og Hardeberg.

Just Jacobsøn Wolf var f i Lillesand 1634 og son av første mannen som bygde på Lillesand, Jacob Jostsøn Ulf og Agnete Lauritsdtr, ei søster av Samuel Lauritsen på Nørholmen.<sup>2</sup>

Just Jacobsøn kom til å sitte på Molland i stor verksemd med gardsbruk og anna. Han bygde på setehusa der og førde opp mange nye uthusbygningar. Han fekk lagt under seg det meste av Lien med Liens Egge og åtte også heile Støle ei tid. Med Dorthe hadde han to døtre, Agnete som blei gm borger i Christiania Anders Grue, og Dorothea gm sr. Lars Gregersen i Arendal. Av ei rekke kvitteringar ser me at han etter hvert løyste inn det jordegodset som steddøtrene hadde erva. I 1701 har han 4 tenestgutar på garden.

#### *Innsteg på ein storgard i 1708.*

La oss gjere eit innsteg på Molland i 1708. Dorothea Christensdtr Torup er då død. Ein dag i slutten av mars møter lensmann Jon Ansteinsen Tjore og Halvor Torjusen Aagre som vurderingsmenn for å registrere buet. Dei held på i to dagar, for det er mykje å fare over. Dei kjem fram til at det er lausøyre for 951 rd. Dessutan ein skipspart for 150 rd. Av jordegods er det noe over 8 huder, dessuten har Just Jacobsen garden Støle 3 huder. Skiftet blir elles ikkje ferdig før i 1710, etter ei rekke skiftesamlingar. Endelykta er ein brutto på 3403 rd og ein netto på 829 rd.

La oss så sjå litt på det dei hadde Dorthe Christensdtr og Just Jacobsen.

*Gull:* M. a. 3 eng. guinerer a 4½ rd, ein gullring 5½, ein ring med 2 små diamanter 3, 1 signetring 3½, 1 par små emalierede knapper 2-1-0, 1 liden brosjé

1-3-0, 1 rød broderet silkepunng med 2de små guldknapper 1 rd.

*Sølv:* M. a. 1 sølvkande med hov, paa laaget en fugl, 54 lodd verdsett til 27 rd. Årstal 1650. Vidare ei kanne frå 1661 75 lodd — 37½ rd, «1 drefven dito med en løfve paa laaget og staaende paa tvende løver» vekt 65 lodd — 37 rd 3 ort 16 sk. Vidare er det ei mengd skeier, både meir vanlige og meir forseggjorde med forgylte knappar og liknande, der er skåler og sølvslegne valbjørkkanner, på sølvføtter og med sølv-låg 7 rd. Det er også nemnt «1 par sølfskafted knifver». I alt er det sølv for vel 160 rd eller for over 30 kuverd den tid.

*Kobber:* Her er det også mykje, m. a. ein bryggekjel på 48 pund verdsett til 12 rd og ein mindre bryggekjel for 9 rd. Men denne «mindre» kjelen er på 1½ tønne! Me merker oss og «1 disteler kiedel med hatt og enkel pipe». Den har dei vel brukt til å brenne brennevin.

*Messing:* M. a. «1 stoer drefven messingfad med Adam og Eva 1½ rd, 1 mindre dito, 1 dito med Josva og Caleb. Elles er det staker, lysesakser, panner, støypeformer til lys. Og til slutt: 2 st. udhugne messingplader til liigkiste!

*Tinn:* Her er det 12 flate tinnfat, dei vog opp til 6 pund hver. Vidare er det ei heil mengd med djupe fat, 12 tinntallerker i eitt mønster og 16 gl. «umage». Der er eggefatt, smørfatt, «kaaldskaalkop med laag», kannar og stager, 1 sekskanta flaske med skruer, ei vinne og — 1 sengepotte.

*Jern:* 15 stænger østerlandsk stangjern, anslagen til 1½ skp a 8½ rd. Vidare: i alt 7 gryter, men 3 er «stukken» med gjord omkring. Det er ei mengd smidskap og 11 navrar til skipsbygging. Det er notert eldtenger og glotenger, 4 skaarer, 2 steikespid med fot. Vidare 3 gl plogjern og 2 risteler og 2 «jerngreber». Elles er det 2 trespader med jernbeslag og økser og annan reidskap. Me merker oss og 1 indekvern og 1 sennepskvern. Omnar er ikkje nemnt.

*Våpen:* Det er 7 børser, 2 pistolar, 1 hirschfænger, 1 gl kromsabel.

*Sengeklæde og lin* var huset vel utstyrt med. M. a. 17 bolster underdyner. Ei av dei er «museskaaren», men likevel sett i 4 rd. Der er 6 overdyner a 4 rd, 8 «hoveddyner», 8 hovedpuder m. a. «1 par fine ulmerdugs med rødblommed dammask for enderne». 8 ryer og sengeklæde, av desse 1 ny skinnbleie. Blåspragla gardiner for omhengssenger er det au. Me ser det er notert 11 lerretslagen og 9 strielagen, 6 damask- og dreiels dukar og 6 ringvevde dukar, 1 «døsin» damaskes

serviettar og 16 st. dreiels. 1 par «fiine lærredspudevahr med knipling for enderne» er sett i 3 rd, eller det same som eit kuverd. Av «benkedyner» og hynder er det i alt 19. Den største er ei flamsk 8½ alen lang og verdsett til 4½ rd.


*Kvinneklæde.* Ei lang liste over kjoler og skjørt syner at Dorthe var vel utstyrt i klædevegen. Der var silkekjoler og skjørt, forutan skjørt av klæde og kamelhår. Dei dyraste kjolane sett i 5 rd. Det same for 1 sort klædeskåpe, medan eit «maarskinds halsefoer» bare kom i 1 dl 1 ort, og 1 rød bunden nattroye 1 rd. I alt var det klæde for vel 37 rd.

*Krøter:* På båsen stod det 24 kyr og 9 kvier, 9 stutar, 3 tjarar. Vidare var der 6 kviekalvar, 3 stutekalvar, 13 sauer, 2 hestar og 24 geiter. Ei ku blei verdsett til 4 rd, dei andre til 3 eller mindre. Hestane til 13—14 rd. Kunamn: Lyckrei, Dagrei, Tystrei, Natrei, Salrei, Blomrei, Skinrei, Bronkol, Durei, Stoelrei, Sommergoe, Leiros, Brandrei, Skoudrei, Silkeadaake, Kindrei, Graarei, Qwelrei, Sonrei, Frerei, Spangrei. Stutenamn: Turmann, Blomsvend, Kindsvend, Skjønsvend, Brunsvend, Graasvend, Linsvend, Ringsvend. Tjarane: Flekkebod, Guldknap, Burman. Seks av kyrne er koller, resten har horn, og fargane er alle slag, grå, raude, svarte, branete, brune.

Me har her fått ei meining om det dei hadde på ein storgard i Landvik for 250 år sidan. Dei var ikkje snaue dei som sat der. Det kan nemnast at det også blei registrert 74 tn «hiemvoxed hævertkorn» a 1 rd pr. tn, og 13 tn «klinted og haufred rug» a 1 rd 12 sk, 1 sekk humle 15 rd, 18 pund rundler, 6 al rødt og 19 al svart boi a 1 ort, 6 al klæde a 3 ort, 14 al heimegjort lerret a 16 sk, 1 «bered» ulvskind 1½ rd. Det er også mange salar og hesteseler av ymse slag. I Morviga ligg det ei gl. jakt, men den er «ganske uduelig og av ingen værdi», vidare 1 gl. vad baad, 1 liden ditto, 1 gl winge baad. Noch en liden baad ved Bache helle.

Til slutt er det ei heller lang liste over bøker. Det meste er biblar og religiøse bøker, men dei har au «Kvinten» (C. V. Norske Lov), Kiøbenhaufens Haandbog med sølvspænder og got sølvbeslag, derfor taxeret 4½ rd, heiter det. Der er og Niels Michelsens lægebok og ei bok som heiter Politisk og Husholdningscalender.





Molland. Vegen til venstre fører til Tingvoll og Morviga. Ved krysset lå sikkert nok den gamle storgarden på Molland.

#### *Den gamle garden.*

Skal me finne den gamle garden, må me svinge ut vegen til Østerhus. Oppe på høgda der vegen nå svingar av til Tingvoll og Morviga låg det for 250 år sidan ei stor samling av hus, grå og med torvtak, enkelte av uthusbygningane også tekt med halm. I skiftet i 1708 får me greie på dei rom det var i våningshuset, og i 1710 får me ei heil skildring av alle hus, for då er det stor synfaring på Molland, Bakke, Lia med pl. Liens ægre, Skoddet og Bjørøya. Synfaringa kom etter krav frå Lars Gregersen i Arendal, ein av svigersønene til Dorthe Christensdtr. Døn 15. mai møtte då på

Molland skrivaren Arent Isaachsen, futen Hans Bonnix og seks lagrettemenn . . . ofuerværende Niels Jacobsen, nu bunde paa Molland og haver brugt ovenmeldede gaarder med underliggende pladser anno 1708 og 1709, heiter det. Nils Jacobsen som elles skreiv seg Niels Jacobsen Lund<sup>3</sup> var borger i Kristiansand 1708. Han var gm den yngste av døtrene til Jakob Henrichsen Friis, Helrad eller Helle Jacobsdtr. I rettsboka er det ei lang og omstendelig skildring av tilstandet på garden og dei enkelte hus. Her kan me bare ta med eit og anna om dette. Først såg ein på sætehusa:

. . . Og er først et gammelt stuehus, hvilket hus angaves tilforn at have staden paa Landvig og at være

kiørt, hidfløttet og her paa gaarden opbygd av fordom Henrich Jacobsen Friis. Værelsene er en stor stue, indentil rundtom panelet med furrepanelverch som angaves at være lige saa gammelt som huset. Paa nordvestsiden tvende gl.dagse eege vindøyskarmar med eegeposter og grinder, udi hver karm tvende gl.dagse vindøyer med gl. beslag og glas, paa sydvestsiden een vindøyskarm med like saadanne vindøyer. Paa begge sider under vindøyerne gl. lehnte furrebencher. Gulvet vil hid og did forbedres med bord og oplægges.

Så fylgjer det ei beskriving av dører og utganger. På nordost sida er det utgang til eit tilbygd «sidehus». Over stova er det ein sal som har same slag vindaugo som stova. Men elles er denne gamlestova ikkje så mykje tess. . . . begge brystene kunde siges at være invigede, og aasen som er et stort træ haver begifued sig indad fra det nordvestre bryst en sværhaand; som vil hielpes, paa det aasen ikke skal gandske viige ind, falde ned og gjøre skade paa hus og folk.

Just Jacobsen har på sydaustsida bygd ei ny stove

. . . som er under et tag med gl. store huse. Ofuerskuddet av det gl. hus og tilbygningen av dette gjør en forstue mellem disse tvende huse som for indgangen er bevared med tvende halvdører, den øverste med laas, den nederste med klinke. Frå forstova er det avdelt eit spiskammer. På baksida er det kjøken. I nystova er det «en mured gjennemgaaende skorsten», i gamlestova «en goed jernwedofn» heiter det. Det går elles fram at det må vere tilbygd svalgang på baksida med oppgang både til det gamle og det nye «hus».

Begge hus er under ei jordtåge . . . som er meget brøstfældig og over alt fuldt av draab.

Konklusjonen blir at heile toka må av og leggast på ny, men då kan husa og bli tenlige ennå i mange år, når det som er råte blir skifta ut.

Synden for disse hus, heiter det, er det eit godt bryggerhus som Just Jacobsen har bygd. I sørenden ei saltbu med «forsvarlig» golv. Over roma kornloft. Oppgangen til loftet er frå «fiældet» med ei trapp.

Badstove har au Jost bygd . . . udi sydvest et stykke fra gårdens hus. Og aust for alle hus på gården har han bygd ei «Kiølne» med

bordtoke.<sup>4</sup> Her er det også bygd eit lite «kaallhus» tekt med tegl.

Det heiter vidare: Noget udi sydvest for bryggerhuset paa et field findes en lang række løehuse, den østre og beste opbygd av J. J. Til denne løa er det bygd «tvende løer med en laave midt udi» . . . Dette hus angaves at være opbygd anno 1647. Husa er under eit jordtag som er «brøstfældig». I same rekka er det ei løe bygd av Henrich Henrichsen, avdelt udi tvende parter, huset tæched med halm, dog mere draabefri end de andre.

Heile denne rekka er «noget geideraad». I vest for desse, tvert over ei stor løe bygd av Dorthé Christensdtr. Løa har jordtoke, men eit svinehus som er bygd opp til løa er tekt med halm. På same sida er «tvende huuser til fennor». Skrivaren brukar her det gamle norske samnamnet for småfe. Det er vidare «tvende fæhuse under et tag med skaale i mellem, begge under et jordtag». Det er seksten båsar i det eine, 18 i det andre fjøset.

Vidare: Østenfor udi samme rekke et fæhus til ungenød og kalver, indentil tolv smaa baaser og en avdelt kalvegaard. En stald med træv under halmtag. Rom med hekk og krubber til fem hestar. Alle desse hus er bygd av Just Jacobsen. Det heiter vidare at det er ein have nordvest for vaaningshuset «med nogle gamle frugttrær». Var det ikkje så lenge sidan skulle ein mest tru det var dei som ennå står der!

— — —

Tungvindt var det på den gamle gard med dei mange hus. Og ikkje bare romantikk når det var «draab» både her og der. Dei som budde på denne gamle garden på Molland, må me rekne til bondearistokratiet, men ser me på hossen dei hadde det, var det mest som vanlige bønder. Større møbler i vanlig meining hadde dei ikkje. I dagligstova eller gamlestova på Molland stod det himmelseng. Der stod det ei gamal kiste av eik. Så var det eit vanlig slagbord og noen stolar utan trekk. Det einaste som vel skilde seg ut var tri gamle stolar «med læder overtroken». På loftet over stova var det eit par himmelsenger og eit par kister.

I nystova var det noe meir forseggjort. Der var det ei seng av eik med «wrijne» stolpar og himmel, 1 «udhuggen» skap av eik. Bordet var ovalt, men bordskiva bare av fure. 7 stolar med skinntrekk. Så var det eit par kister og eit klæskap av eik.

På kammerset over nystova var det og to himmelsenger, eit bord og eit par stolar, på drengekammerset bare seng. I kammerset ved sida av nystova bare eit par skrin og eit «flaskefoer». I nordkammerset var det seng og kister og eit roskap.

Det er nemnt 4 speglar i skiftet, men ein er «beskadiget» og på den som heng i nystova er glaset «udi 2de støcker».

#### *Garden vidare på 1700-talet.*

Nils Jacobsen Lund døde i 1712. Sonen Lars Nilsen var gm Anne Gjerulsdtr Tjore. Lars brukar 3 huder i Molland i 1723, Ommund Gjerulsen 1 hud. Ommund har også Bakke. Dei gamle Friis-ætlingane prøver elles å løyse inn garden. I 1736 ser me at Jacob Larsen, trulig ein son til Lars Gregersen i Arendal, lyser sin pengemangel til løysing av 6 huder i Molland (og Bakke?). I 1739 er det Lars Tellefsen i Arendal som er ute i same ærend. Han vil løyse godset «der fra bemeldte Lars Tellefsøns kiæreste madame Inger Pedersdtr Brinchs forfædre for nogen tid siden skal være udkommen». Me veit at presten Peder Brinch i Holt var gm Aase Christensdtr, som var dotter av Christen Ellefsen og Karen Jacobsdtr Friis på Molland. Det blei ikkje noe av denne løysinga.

I 1743 sit Lars Nilsen på Molland og er likna for 320 rd. Mora, Helle Jacobsdtr, lever då og er likna for 228 rd i lausøyre.

Lars Nielsen døde på Molland utan livservingar i 1764. Anne arva ved testamente det han let etter seg. Bror til Lars, Christian Nielsen, er på Molland frå 1745. Og han og broren

brukar trulig frå den tid hver sin halvpart i Molland, men Christian har heile Bakke 2 huder. Anne Gjerulsdtr overtok halve Molland etter mannen Lars Nielsen. Ho døde i 1768 og då gjekk garden over til Elisabeth Arntsdr von Kampen, enke etter Nils Gjerulsen Tjore. Farmor hennar var Karen Jacobsdtr Friis frå Molland som 2. gong var gm Hans Arntsen von Kampen. Elisabeth, eller Lisbeth Molland som ho seinare blei kalla, flytta til Molland då ho fekk garden. Ho gifte seg oppatt i 1776 med Nils Torjusen, men dei hadde ikkje born. Lisbeth døde i 1814. Ho testamenterte det ho åtte til tenestgjenta Kirsten Gundersdtr, men garden blei delt i to, då 1 hud jordegods blei seld til skipper Johan Jensen som bygde på Tingvoll, nå eige gardsnr. Det var såleis att 1 hud av det gamle hovedbruket på 4 huder. Det fekk seinare

#### *bnr 18.*

Året etter at Kirsten Gundersdtr hadde fått garden gifte ho seg med Jacob Degn som då var enkemann.<sup>5</sup> Han døde på Molland 1834, Kirsten Gundersdtr i 1836. Ved sk i 1837 blei dei 12 ksk i garden sett i 1000 spd. Sonen Elias Jacobsen blir utlagd garden for denne sumen. Han sel frå eit stykke i Mollandskjær i 1838 og der går frå 1 ksk. Sidan blir m. a. Kraageviga og Langemyr utskild. Elias sit med garden til sin død i 1860. Då overtek enka Johanne Margrethe. Garden hadde 35 mål dyrka jord i 1867 og kunne fø hest og 4 kyr.

Etter at Johanne Margrethe var død overtok sonen Nils Jacobsen i 1878. Han bygde nye store sætehus i 1895 og nye uthus. Nils Jacobsen døde i 1910 og enka hans, Georgine Amalie, sat med egedomen til 1920. Gjekk då over til Jacob Molland for 20 000 kr. Han selde i 1929 til Danvig Waaland som fekk skj i 1930 for 25 000 kr. Sonen Arnfinn Lund Waaland

overtok i 1941, men egedomen gjekk tilbake til mor hans, Thyra Waaland, i 1948.

Garden har 35 dekar dyrka jord og 300 dekar produktiv skog. Skyld mk 4.22.

Thyra Waaland gav i 1955 skj til Selskapet for Grimstad Bys Vel på  $\frac{4}{24}$  av Herøya for 2000 kr. Herøya var sameige for dei gamle bruk på Molland og Bakke.

#### DEN ANDRE HALVPARTEN AV MOLLAND

Christian Nilsen Lund sat med 2 huder i Molland frå ikring 1745. Han hadde også dei 2 hudene i Bakke og åtte begge desse bruk ved sin død i 1771. Sonen Nils Jacob fekk Molland, Lars Jørgen fekk Bakke.

Nils blei ikkje sittande lenge på Molland. Han gifte seg i 1774 med Zille Catrine Haaversdtr Aabel frå Birkenes. I 1782 selde han garden og flytta til Kristiansand. Ved salget delte han garden i to. Mads Danielsen Vigeland kjøpte 1 hud for 590 rd. Aslak Øvensen Bæreli kjøpte den andre halvparten, også for 590 rd, men Aslak selde alt året etter til Christen Ellefsen Aagre som var svigerfar til Mads Danielsen og han kom til å bruka dei to hudene. Ved skiftet i 1771 hadde dei på denne garden 8 kyr, 2 kvier, 1 tjør og hest.

Aanon Gjerulsen Tjore blir i 1799 eigar av 6 ksk, eller halvparten av det som Christen Ellefsen hadde kjøpt. Resten ser ut til å vere gått over til Mads Danielsen. Garden blir delt i 1811 mellom Christen Madsen og Aanon Gjerulsen som får 6 ksk hver. Christen Madsen har også det andre bruket på 1 hud, trulig det gamle hovedbruket som faren hadde kjøpt. Det er nå

*bnr 28.*

Ole Paulsen Rødberg frå Sør Audnedal kjøpte garden av Mads Christensen i 1824 for 600 spd. Ole selde same året frå 3 ksk til Salve

Aasulsen Salveskjønn for 100 spd. I 1830 blei part i Mollandskjerr fråskild. Det var då att  $8\frac{1}{3}$  ksk som Peder Ommundsen Bringsvær<sup>6</sup> kjøpte for 600 spd i 1833. I 1838 blei  $5\frac{1}{2}$  ksk som stesonen John Johnsen hadde (nå bnr 29) slått saman med Peder Ommundsens bruk, men skild ut att i 1859. Det er også sidan fråskild ein del parsellar.

Peder Ommundsen døde i 1865. Sonen Anton Pedersen overtok då. I 1867 hadde bruket 39 mål dyrka mark og kunne fø hest og 3 kyr. Skog av furu for 5 spd netto til året. Kornavling ca. 17 tn og 17 tn poteter.

Anton Christian Pedersen som var f 1838 døde i 1901. Han var gm Ingeborg Jensdtr Løland frå Lyngdal som døde i 1904. Men først i 1908 blir det gitt skifteskj til sonen Anton Pedersen (Anton Johan Bakke) for 5525 kroner.

Anton Christian hadde i 1882 kjøpt bnr 29 av sin halvbror John Johnsen for 3000 kr. Dette bruket overtok Johan Bakke i 1908 for 2215 kr. I 1917 selde han begge egedomane til Martin Paulsen for 23 000 kr. Martin Paulsen selde i 1919 til Jørgen Bakke, bror til Johan Bakke, for 27 000 kr. og garden kom tilbake til den gamle ætta. Bnr 28 har skyld mk 4.50.

#### *Bnr 29*

som er nemnt ovanfor, var dei 6 ksk som Aanon Gjerulsen fekk utskild ved delinga i 1811. Han sat med egedomen til 1829 då han selde til John Olsen Dømmesmoen for 600 spd. John Olsen døde og enka hans, Barbro Aanonsdtr, blei gm Peder Ommundsen Bringsvær som hadde kjøpt bnr 28. Ved sk etter John Olsen i 1836 blei dei 6 ksk utlagd til sonen John Johnsen, men stefaren overtok som nemnt egedomen som blei slått saman med bnr 28 som då fekk skyld 1 hud  $1\frac{1}{6}$  ksk. John Johnsen var skipper og gm Tomine Chri-

stine, ei dotter av Matias Jacobsen Molland. Dei flytta til Fjære i 1871.

På eigedomen oppfører matr.kom. 1867 at dei kan fø 2 kyr. Det er 19 mål dyrka jord . . . . midelst paa sandbund, ligger ikke saa be-  
quem, heiter det. Skog til husbruk, men ikkje til salg. Denne eigedomen har nå skyld mk 1.84.

Jørgen Bakke selde frå dei to eigedomane  $\frac{5}{24}$  av Herøya i 1955 for 2500 kr. Grunnen til Molland skole er seld frå denne eigedomen, dessutan fleire andre parsellar.

#### Bnr 25.

Av dei gamle bruk på Molland har me så til slutt dei 6 ksk som Christen Madsen fekk utlagd ved delinga i 1811. Han selde i 1824 til Svend Knudsen Aasen for 200 spd, same året som han selde sitt hovedbruk til Ole Paulsen Rødberg.

Svend var gm Ragnhild Madsdtr, ei søster av Christen Madsen. Dei hadde ein son Mads som døde 1845 — 23 år gl, og ei dotter Maren Marie f 1824 og gm Ole Andreas Iversen Bua frå Eide. Dei overtok garden. Svend Knudsen døde som follaugsmann i 1865 — 76 år gl. Ole Iversen står som brukar i 1867 då bruket kan fø 3 kyr. Det er 24 mål dyrka jord.

Ole Iversen selde  $\frac{2}{3}$  av bruket i 1893 til sonen Carl Olaves for 4000 kr. Sonen Mads fekk  $\frac{1}{3}$  (bnr 38).

Karl Olsen selde i 1900 til Jørgen Fagervold for 2300 kr. I 1905 kjøpte Lars Andersen Molland<sup>7</sup> for 3300 kr. I 1942 står som heimshavar Anders Andersen, einaste arving etter enke Hellene Andersen. Verdi 12 000 kr. I 1955 står Nelly Andersen som eigar. Ho sel då  $\frac{2}{24}$  av Herøya for 1000 kr.

Til dette bruk høyrer

#### bnr 35

som er same bruk som dei 3 ksk som Ole Paulsen Rødberg selde i 1824 (sjå bnr 28).

Salve Osuldsen Skiftenes selde i 1834 til Bent Hansen Molland for 200 spd. Det er ikkje funne tinglest salg av denne eigedomen, men det må vere dette jordegodset Jonas Olsen Molland sidan hadde. Han var matros i 1845 då han har dottera Anne Thomine til dåpen. Han kom bort på sjøen i 1848 — bare 31 år gl. Han blei funden i Danmark og gravlagd der. Var gm Anne Marie Reiersdtr frå Valle i Sør Audnedal. Ho gifte seg oppatt i 1853 med Ole Aanonsen Reiersdal frå Åseral. Dei hadde ein son Aanon Reinert som var styrmann og døde i Meksiko i 1896.

Ole Aanonsen selde frå noen stykke frå eigedomen. Bruket hadde omlag 11 mål dyrka jord i 1867. Ole Aanonsen døde i 1883 — 80 år gl.

Om eigedomen er det ikkje tinglyst noen overdraging frå 1849 då enka Marie Pedersdtr (skal vere Reiersdtr) får utlagd bruket for 300 spd og til 1917 då arvingane etter Marie Pedersdtr sel til Anders Andersen Molland for 3800 kr.

Bnr 35 har skyld mk 1.27. Dei to bruk har i alt 30 dekar dyrka mark og 30 dekar produktiv skog. Sætehuset blei påbygd i 1913. Lars Andersen starta forretning her og denne forretningen er framleis i kjellaretasjen.

#### Bnr 1.

Brørne Jørgen Christian og Johannes Jacobsen, søner av Jacob Degn, kjøpte i 1831 eit bruk i Bakke. Det var opphavlig på 1 hud eller halve Bakke, men salg av Skoddet i 1830 gjekk det frå  $\frac{2}{3}$  ksk frå dette bruket. Dei delte bruket. Jørgen Christian fekk Solbakken som nå høyrer under Bakke, Johannes fekk det seinare bnr 1 Molland. Det blei slått saman med lnr 30 b, eit stykke på  $2\frac{1}{2}$  ksk som Johannes kjøpte av broren Matias på Tingvoll. Frå dette bruket som frå dei andre på Molland er det gått frå noe vel salg av Langemyr og andre sameige-

stykke, m. a. pl. Kraageviga. Egedomen var i 1867 på 42 mål dyrka jord og kunne fø hest og 4 kyr.

Johannes Jacobsen døde i 1871. Han var gm Anne Kristine Ommundsdr Tjore som i 1875 sit på Molland som skibsreder og gaard-bruger.

Johannes Jacobsen bygde nye store hus på egedomen. Det er branntakst der i 1838. Sætehuset som er  $18\frac{1}{2} \times 12 \times 5\frac{3}{4}$  alen har 7 rom . . . . dels panelede, dels gibsede, og blir sett i 590 spd, ein fløy med bryggerhus 70 spd, stolphus med frostfri kjellar 90 spd, uthusbygning 140 spd. Der er serskilt hestestall med halvtak til «møddingen» og høytrev over. Tilbygg: Afføringshus og faarehus. Denne bygningen sett i 50 spd. Rundt hagen er det eit stakittgjerde som er  $73 \times 36$  alen og  $3\frac{1}{2}$  alen høgt, verdsett for 20 spd. Heile taksten kjem på 960 spd.

Anne Kristine overdro i 1876 garden til sonen Jacob Jacobsen. Han døde i 1892. Han var gm Margrethe Gundersdr Morholt som selde garden til Tellef Mjaaland i 1895 for 13 000 kr. Tellef G. Mjaaland gir skj til Svend Tønnesland i 1922, også for 13 000 kr. I 1952 er tinglyst kjøpekontrakt og skj frå Agnes Tønnesland og Aasta Udjus på deira part av garden til medarving Dagmar Sofie Helleland for 16 000 kr.

Bnr 1 har skyld mk 4.17. Dagmar Helleland sel i 1955 til Grimstad Bys Vel  $\frac{3}{24}$  av Herøya for 1500 kr.

#### Bnr 20.

Denne egedomen er gått ut frå Bakke. Søren Larsen Bakke hadde fått halve Bakke 1 hud etter faren Lars Jørgen Bakke. I 1821 selde han frå 3 ksk. Det går også frå noe ved salg av Skoddet. Ved sk etter kona Siri Jacobsdr får Søren i 1842 utlagd garden for 666 spd 80 ksk. Etter fråsalg av Langemyr m.v. er skyl-

det 8 ksk i 1864. Søren sel då til Markus Danielsen Reiersøl for 1400 spd. Til egedomen blei lagd lnr 31 e Molland, eit stykke som var på 4 mål dyrka i 1867, Lnr 35 a Bakke hadde 28 mål dyrka, god ler- og sandjord, heiter det. Kunne fø hest og 3 kyr.

Markus Danielsen var f 1827 på Reiersøl i Froland. Han var g to gonger, men hadde ikkje born. Testament tinglyst 1906. Arvingane sel garden i 1911 til Sakarias Olsen Udjus for 12 000 kr. I 1936 gjev han skj til Alma Udjus gm sonen Olaf Udjus for 14 000 kr.

Etter at fleire parsellar er fråseld har bnr 20 nå skyld mk 3.76. Egedomen har 35 dekar dyrka mark og 60 dekar produktiv skog. Husa på garden er dei som er nemnt i 1838 då dei trulig var nybygde. Nytt stabbur bygd 1914.

#### FRÅSKILDE MINDRE BRUK OG PARSELLAR

Bnr 2 Langemyr blei skild ut frå Molland og Bakke i 1853. Agronomane John C. Bulow og Andreas Trosterud kjøpte myra for 400 spd. Dei selde i 1865 til O. I. Bie m. fl. for 3000 spd. Året etter kjøpte Terje Terjesen Stalleland for 2000 spd. I 1872 blei det seld frå 5 stykke med revidert skyld 1 ort. Anton Terjesen (Løvåsvollen) overtok så resten i 1880. I 1885 blei på ny fråseld 3 stykke, Langemyr 1, 2 og 3. Restskyld mk 0.51.

Vesterli bnr 4 som ligg ved vegen ned til Morvigsanden, er nok ein gamal husmannsplass. Det er svært gamle dobbelthøge hus på dette bruket. Dei meiner dei er bygd for 250 år sidan, men det er uråd å finne ut hvem som har budd der i eldre tid. I 1870 får Osmund Ommundsen skj for 200 spd. Bruket som fekk skyld 30 øre blei skild ut frå dei gamle bruk på Molland og Bakke.

Osmund var f i Mykland 1811 og gm Helje Andersdr frå Austre Moland. I 1852 er Os-

mund nemnt Osmund Ommundsen Mollandskjær. Dei hadde ein son Anton Andreas det året, men han døde 2 år gl. I 1875 bur dei på Vesterli. Der bur og Edvard Knudsen og huslyden hans. Edvard var skipstømmermann f 1834 i Mandal gm Oline Osulsdtr f 1837 i V. Moland. Dei hadde i 1875 borna Peder Anton f 62, Karl Martin 64, Harald 67, Gunder Gunelius 69, Anne Marie 72 og Gunhild Kirstine 74. Sonen Nils Gunerius f 1860 var dekksgut og ute på fart i 1875. Osmund hadde 1 ku og 2 sauer i 1875, sådde litt korn og sette 2 tn poteter. Han døde i 1886.

I 1887 fekk Edvard Knudsen og sonen Peder Anton Edwardsen skj på eigedomen for 1200 kr. Edvard gifte seg oppatt i 1887 med Kristine Genette Konradsdtr Stølevig frå Sogndal f 1864. Dei hadde borna Karl Martin 89, Karoline Gjertine 91, Ole Gunerius 93, Harald Otto 96 og Edvarda Kristine 99—01.

Det er ikkje tinglyst eigedomsoverdraging før i 1956 då Karl Knutsen får utlagd halve eigedomen for 600 kr. Karl Knutsen f 1889 har dreve som fiskar. Skipa Grimstad og omegns fiskerlag og formann der.

*Langemyr bnr 5* kjøpte John Pedersen Holvigen av Terje Stalleland i 1872 for 165 spd (bnr 2) og bygde trulig då. I 1882 overdrar han eigedomen til Tellef Aslaksen mot follaug. Tellef var gm Maren Gurine Johnsdtr.

John Pedersen var tømmermann f 1809 på Tromøya. Han var gm Hanne Marie Nielsdtr. I 1875 hadde han 2 kyr på bruket, sådde noe korn og sette 5 tn poteter.

Tellef Aslaksen var f i Birkenes 1848 og budde på Langemyr i 1875. Var tømmermann på skipsverft. Tellef og Maren Gurine hadde desse born f på Langemyr: Hanne Marie 76 d.s.å, Anna Josefine 77, John 78, Hanne Marie 79, Axel Emanuel 81, Ingeborg 83, Teresia Matilde 86.

John Tellefsen overtok bruket i 1910 og tok

mora i follaug. Han var gm Sofie Nilsdtr, dotter av Ingeborg og Nils Salvesen. Etter at mannen var død, overtok ho eigedomen i 1926.

Bnr 5 har skyld 12 øre. Til dette er lagt bnr 6 av skyld 1 øre. Areal 12 dekar dyrka mark og 10 dekar produktiv skog. Sætehus i 1½ høgd. Nytt uthus 1939.

*Langemyr bnr 7—12.* Kristen Tønnesen Lia kjøpte i 1874—75 ei rekke parsellar av Langemyr og dyrka der opp ein bra gard. Eigedomen gjekk i 1927 over til sonen Tønnes Kristensen for 12 000 kr. Han selde i 1941 til svigersonen Olav Gundersen Tjore for 14 000 kroner.

*Holvigheia bnr 13* selde Anton Rasmussen Østerhus (gnr 9) i 1885 til Kristen Tønnesen Langemyr for 450 kr. Det er fråskild eit par parsellar som nå ligg under gardsnr 10. Holvigheia kjøpte Olav Gundersen saman med Langemyr i 1941 men selde att til Tønnes Kristensen for 1000 kr. Tønnes Kristensen selde same året frå bnr 60 Hovde av sk 4 øre til Jens Hallstein Holte for 4000 kr. Restskyld 3 øre. Tønnes Kristensen har også bnr 14 Holvigheia av sk 4 øre som faren kjøpte av Anton Rasmussen i 1885 for 100 kr. Også her er fråseld fleire tomter.

*Kjøbaasen bnr 15* er gått ut frå Østerhus. Kristen Tønnesen kjøpte av Lars Larsen i 1876 for 140 spd. Olav Gundersen fekk denne eigedomen i 1941.

*Langemyr bnr 16* av sk 3 øre gjekk ut frå bnr 2 i 1885 då Anton T. Løvaasvolden selde til Bernt Kristian Adriansen for 296 kr. Han bygde her. Var gm Charlotte Matilde Munch og var f i Lyngdal i 1843. I 1875 budde dei på Liens Ekre. Bernt var då slaktar. Charlotte Adriansen, som då var enke, selde eigedomen i 1915 til August Andersen for 1800 kr. Arvingane etter August Andersen selde i 1948 denne eigedomen og gnr 11 bnr 4 Lia til medarving Ester Fosseli for 6000 kr. Ho selde i 1949 til

Karl Hegland for 9000 kr. I 1955 gjekk bruket over til sonen Helge Hegland for 9000 kr. Han er f i Holt i 1926.

Bnr 16 har 10 dekar dyrka mark. Sætehus i 1½ høgd. Nytt uthus bygd 1938.

*Krågeviga bnr 19* var plass under Molland (Tingvoll). I 1833 gav skipper Johan Jensen på Tingvoll festebrev til Peder Knudsen Ulsmoen på plassen Kraagevigen, årlig avgift 1 spd og 3 arbeidsdager. Peder var gm Maren Tellefsdtr. Dei busette seg i Kraageviga og fekk seks barn, men bare den eldste, Carl Johan f 1834 og den yngste Lise Marie f 41 levde opp. Maren Tellefsdtr døde i 1854 — 54 år gl.

Peder hadde i 1849 fått kjøp på Kraagevikstykket som Elias Jakobsen selde for 50 spd, skyld ¼ ksk. Ved skifte i 1856 blei Kraageviga sett i 160 spd. Same året gifte Peder seg oppatt med Karoline Osulsdtr Dammen. Dei fekk borna Ole Martini 56—58, Peder Kornelius 60, Maren Johanne 65. Gaardmand Peder Knudsen Krogevig døde 1868 — 60 år gl. Sonen Carl Johan var gm Aase Marie Terkelsdtr og sat i Kraageviga som inderst. Dei hadde borna Karen Johanne 60, Karoline Marie 68, Lovise Karoline 71, Salvine Petrine 73. Carl Johan døde av tæring i 1875 — bare 40 år gl.

Carl Johan overtok Kraagevikstykket etter faren i 1868, men stemora blei sittande med «Vaaningshus og udhus paa V. Kraagevigen med den ret boet efter hendes mand Peter Knudsen har til denne plads efter festebrev 1833».

Aase Marie Terkelsdtr overtok Kraageviga etter at mannen var død. I 1882 selde ho til Jens Mathias Jensen for 520 kr. Det var trulig bare jorda, ikkje husa, for i 1895 blir det tingl. skj frå enka Karoline Johanne Knudsen til svigeren Carl Oskar Helgren «paa pladsen Kraagevigen under d.e. m.fl. mod føderaad og husvære».

Maren Jensen, enke etter Jens Mathias, selde bnr 19 og 22 i 1923 til John Jensen og Jenny Jensen for 8000 kr. I 1949 kjøpte direktør Sigfred Stephensen desse egedomane og gnr 9 bnr 33 for 10 000 kr.

*Kallandsheia bnr 21* gjekk ut frå bnr 18 i 1878. Johannes Olaussen fekk skj i 1879 for 400 kr. Han var f i Strömstad i Sverige i 1833 og gm Berthe Salvesdtr f 1824 i Landvik. I 1875 er han oppført som tømmermann på skipsverft og husmann og budde då trulig på Kallandsheia. Dei hadde ei dotter, Josefine f 1866. Det var ikkje buskap på plassen, men dei sette 2 tn poteter. Johannes flytta frå, for i 1892 ser me at Johannes Olaussen Vig gir skj til Reinert Tobias Jensen for 600 kr. I 1932 får Jørgen Bakke egedomen for 850 kr. ved skifteskj etter Anne og Reinert Jensen Molland. Kallandsheia har sk 2 øre.

*Løvdal bnr 23* gjekk ut frå bnr 18 i 1882. Nils Jacobsen gav skj til O. Løvdal i 1883 for 3000 kr. Lærer Ole Danielsen Løvdal var f i Laudal i 1845. Han var lærar på Molland i ei lang rekke år. I 1890 bygde han på egedomen han hadde kjøpt. Ein av borna hans var den kjende pianisten Daniel Løvdal f 1890. Ei dotter, Dina Elisa f 1884, var gm lærar Johannes Moen, som var lærar i Tjore og Inntjore kretser. Daniel Løvdal overtok bnr 23 (og bnr 31 og 34) i 1946 for 15 000 kr. Ved sk etter Daniel Løvdal i 1954 gjekk egedomen over til søstersonen Ingemund Moen for 17 500 kr.

Bnr 23 har 14 dekar dyrka mark og 40 dekar produktiv skog.

*Berimellem bnr 24* (Bergimellem) gjekk ut frå bnr 20 i 1887 då Markus Danielsen gav skj til Ole Olsen for 240 kr. Han hadde bygd der 1875 då han er oppført som husmann med jord. Han var f i 1825 på Tveit i Hornnes og var skipstømmermann gm Johanne Johnsdtr f i Landvig 1822. Sonen Johan Olsen f 1861 står også oppført som tømmermann på



skipsverft i 1875. Det var også ei dotter, Maren Bergitte f 1866. Ole døde 1888.

Skipstømmermann Johan Olsen Molland gifte seg i 1886 med Sevrine Madsdotter, ei dotter av Mads Nilsen Helleland. Dei hadde borna Ole Johannes 87—88, Margit Sofie 89 og Ole Johan 93. Johan Olsen blir som enkemann utlagd bruket i 1901 for 1000 kr. Ole Tallaksen Hardeberg kjøper i 1905 for 1150 kr. Maren Tallaksen, enke etter Ole, får uskiftebevilning i 1906. Ho sel i 1908 til August Andersen for 1200 kr. Eigar sidan 1930: Rasmus Østerhus (ikkje tinglyst). Bnr 24 har 7 dekar dyrka mark.

*Mollandskjerr bnr 26* er gått ut frå Skoddet gnr 3. Skoddet var som mange gonger nemnt, plass under Molland. Ole Hansen Skoddet<sup>8</sup> skj i 1845 over  $\frac{8}{9}$  ksk til sonen Lars Olsen for 100 spd. Det var trulig han som då bygde på det nye bruket. Etter at Lars Olsen var død i 1881, overtok sonen Ole Larsen. Han fekk samtidig bnr 27 som var skild ut frå Skoddet same året for 100 kr. Ole selde i 1904 til Syvert Aasen for 2000 kr. Syvert Eriksen Aasen er f på Dovre 1873 og gm Kristine Kristensen frå Herefoss. Born: Klara Elvine 02, John Kristian 05. John er kjøpmann på Molland.

Bruket har 7 dekar dyrka mark. Sætehus i 1½ høgd. Bnr 26 har skyld mk 0.48, bnr 27 skyld 3 øre.

*Heimly bnr 30* gjekk ut frå bnr 29. Og bnr 35 i 1868 med nytt skyld 10 øre. Mikal Sørensen var kjøpar. Størsteparten fekk han av John Johnsen (bnr 29) for 50 spd. Det er så ikkje tinglyst noe om egedomen før i 1926 då skifteretten i buet etter Martin Knudsen Mollandskjær gir skj til Erling Olsen for 500 kr. Han sel i 1939 til Anne Lien for 5000 kr. Bernhard Moen f 1923 i Bruvik kjøpte i 1951 for 16 800 kr. Bnr 30 har 7 dekar dyrka jord. Nye sætehus i 1½ høgd bygd 1930.

*Bnr 31* av ny skyld 10 øre kjøpte Ole Løv-

dal av Anton Pedersen i 1876 for 100 spd og bnr 34 i 1887 for 1000 kr., skyld 22 øre. Brukt saman med bnr 23 som har skyld 66 øre, sjå dette.

*Langgård bnr 38* er den tridjeparten av bnr 25 som Ole Andreas Iversen selde til sonen Mads Olsen i 1893 for 1450 kr. Mads Olsen var styrmann. Han bleiv i New York i 1904. Han var gm Sofie Gurine Kristoffersdtr Holvig som sat med egedomen til ho selde i 1910 til Birthe Sofie Johannesen Molland for 3000 kr. August Bengtson kjøpte i 1912 for same sum. Han selde i 1917 til Gusta Sydnes for 9500 kr. Son hennar, Salve Sydnes, overtok i 1951 for 13 500 kr. på nærare fastsette vilkår. Med i handelen var også bnr 45 av skyld 15 øre som Gusta Sydnes hadde kjøpt av arvingane etter Sofie Johannesen i 1922 for 1500 kr. Sofie hadde kjøpt bnr 45 Basokkjær av Johan Bakke (bnr 29) i 1915 for 1000 kr. Bnr 38 fekk namnet Langgård i 1910. Det har nå skyld mk 1.18. Bruket har 11—12 dekar dyrka jord og 25 dekar produktiv skog. Eigaren, Salve Sydnes, er organist i Grimstad.

*Bnr 39* gjekk ut frå Tingvoll og bnr 1 Molland i 1904 med skyld 27 øre. Carl Oskar Hellgren kjøpte av Alf Tingvold og Svend Tønnesland for 310 kr. Selde til Trygve Pedersen i 1938 for 5000 kr. Etter fråsalg restskyld 20 øre.

*Solheim bnr 40* av sk 2 øre blei utskild frå Mollandskjerr i 1904 då Ole Larsen selde bnr 26. Elise Bjørø fekk egedomen etter Ole Larsen og kona i 1934. Egedomen verdsett til 1000 kr. som ho selde for same året til Johan Bakke. Lars Larsen kjøpte i 1935 for 1300 kr. Husa bygde Ole Larsen i 1905.

*Eikeli bnr 43* kjøpte sokneprest Chr. Jacobsen av Johan Bakke (bnr 29) i 1912 for 850 kr. Året etter kjøpte han bnr 44 for 465 kr. Blei slått saman med bnr 43, skyld 10 øre. Sokneprest Jacobsen bygde på egedomen 1916

og levde der på sine gamle dagar. I 1921 selde Chr. Jakobsens enke og arvingar til Torjus Osuldsen Udjus for 13 600 kr. Torjus Udjus selde til skipsførar Aanon Moen i 1933 for 8800 kr. I handelen gjekk ikkje med den skogen som ligg på nedsida av riksvegen.

*Solås bnr 47* er gått ut frå bnr 8. Nils L. Nilsen<sup>9</sup> kjøpte av Kristen Tønnesen Langemyr i 1920 for 100 kr., men Nils hadde bygd der i 1908. Han var gm Theresia Kristensdr Langemyr som overtok eigedomen i 1941 etter at mannen var død.

*Fosbo bnr 48* selde Sven Tønnesland (bnr 1) i 1922 til Jacob Molland og Joh. S. Havstad for 2400 kr. Jacob Molland selde sin part same året til sakførar Havstad. Axel Havstad som overtok eigedomen etter broren i 1928 selde i 1929 til Peder K. Pedersen for 1800 kr. Eigedomen har skyld mk 0.60.

*Molland skole bnr 49* av sk 4 øre er gått ut frå bnr 29. Skolen blei bygd 1920, påbygd i seinare år med ny fløy.

*Storevoll bnr 50 og 53* selde Emma Tønnesland til John Aasen som bygde forretningshus i 1929. Skj 1934 for 425 kr. for begge parsellane.

*Ekelistø bnr 52* selde Torjus Udjus (bnr 43) til Daniel Nilsen Skoddet i 1938 for 650 kr. Erling Olsen kjøpte i 1942 for 1200 kr., bygde der 1941. Han er bygningssnekker f i Fredrikstad 1898. Eigedomen er på 5 dekar.

*Knatten bnr 55* selde Tønnes Kristensen Langemyr til Anders Emanuel Hedem i 1935 for 520 kr. Han selde i 47 til Karl Schanche for 2600 kr. Andreas Schanche overtok 1953.

*Bjørkli bnr 62* av sk 8 øre selde Alma Udjus (bnr 20) til Hans Hansen i 1942 for 750 kr. og bnr 64 for 1700 kr. Hans Hansen hadde i 1941 kjøpt ei hytte som var bygd på bnr 62 for 2600 kr. Selde så eigedomane i 1952 til Eva Margrethe Thømte for 14 500 kr.

*Lille Tingvoll bnr 63* selde Alma Udjus (bnr 20) i 1943 til Torjus Kiland, Tingvoll for 1975 kr. Skyld 20 øre.

*Solkroken bnr 66* av sk 20 øre blei skild ut frå bnr 20 i 1944. Areal 5 dekar. Nye sætehus bygd 1952, uthus 1953. Eigar bonde Olaf Udjus.

*Vestre Kråkevika bnr 68* selde Trygve Pedersen i 1947 til Fredrik Marstrander. Er gått ut frå bnr 39 som Trygve Pedersen kjøpte i 1938 for 5000 kr.

*Fjelltun bnr 69* av sk 9 øre kjøpte lærar S. Gitlestad av Jørgen Bakke (bnr 29) i 1947 for 1800 kr. Bygde der i 1952. Sakarias Gitlestad f i Kvås 1893 har vore lærar ved Molland skole frå 1921 til 1960.

*Egelistrand bnr 71* selde Erling Olsen i 1948 til Aanon Moen for 1500 kr. Gått ut frå bnr. 52.

*Bakkevoll bnr 71* er gått ut frå Mollandskjerr. Sætehus bygd i 1949 i 1½ høgd. Eigar snekker Alf B. Kristiansen f 1920 i Landvik.

*Utsikten bnr 73* selde Erling Olsen i 1954 til sonen Arne Olsen for 500 kr. Fråskild bnr 52.

#### *Gamalt høpehav — eit forlik i 1808.*

Det gamle høpehavet i gardkretsen Molland er tidligare nemnt. Me skal her til slutt ta med eit forlik i 1808 som fortel mykje om dette. Forliket blei gjort i Forligelsescommissionen paa Hommedal prestegaard 4. februar. . . . Hvor da blev foretaget: Lien og Ydre Østerhuses beboere og eiere mod Mollands og Bakkes gaarde betræffende et sidstnævnte paa pladset Dammene der er felles eiendom for den og Liens og ydre Østerhus beboere, havde opført en skyderende og et baadehus dem selv til indtægt, uden at Liens og Østerhuses beboere derav nøde anden indtægt og fordeel, end der av Dammens qværne aarlig hævede 15 nottinger mel.

I anledning av dette de indstævntes foretagende paa stode klagerne enten at maatte oplægge en ny qværn for egen regning og til egen fordeel i Mollands og Bakkes qværnhaus imod at betale i dette deres anpart efter taxation og saaledes nyde dermed fordeel, saa

længe der kan gaa 2de qværne i sideqværnehuset, eller og at de alene maatte hæve den hele grundleie av Holvig Strand fra Fjære Sogns bytte til vestre Heien, Holvig Holmen indberegnet, og saaledes imellem parterne forligt:

Indstævnte eiere av Molland og Bakke vedtage og indgaa: At eierer og beboerer av Lien og Østerhus maa for eftertiden gjøre sig Holvig strand og Wold til vestre Heien med Holvigholmen saa nyttig som de bedst ved og kan, dog saaledes at Molland og Bakke fra sin derovenfor beliggende skov bestandig maa have den fornødne strandplads til sit aavirkede brug, saa og at Liens og Østerhuses eierer og beboerer maa gjøre sig bækken som gaar mellem Lien og Østerhus, Molland og Bakke saa nyttig som de kan, dog med wilkaar, at wandet ved opstømning ikke forvolder skade paa klagernes ved bemeldte bæk beliggende agere og enge. Derimod vedtage og indgaae klagerne: At Mollands og Bakkens eiere og brugende maa alene hæve og oppebære alle indkomster av Dammen og gjøre sig dette sted saa nyttig som de kan, uden derav at svare nogen aarlig avgift til Lien og Østerhus. De øvrige parternes sammeneiede husmands pladser, svare nu som før, efter andpart av skyld og brug, den paalagte avgift og arbeids-

dage. Buskov beholder begge parterne, enhver for sig udeelt, dog saa at ingen av dem, uden fælles samtykke maa bygge eller lade bygge i buegangen hinanden til fornærmelse og fortræd.

Ligesaa ere begge parterne enige, at deres fælles tilhørende søholmer deles saaledes: Herøen med Dunksjøen, Risholmen og Sandholmen tilhører for eftertiden alene Molland og Bakke, de øvrige forhen sammeneiede holmer derimod alene tilhøre og følge Lien og Østerhus, men laxefisket maa som forhen være til fælles brug og avbenyttelse for begge parterne.

#### MERKNADER

1. N. H. D. 1599. Sjå Agder Hist. årsskrift 1957.
2. Sjå A. Ager-Hanssen: Lillesand i eldre tid.
3. Sjå Lund-ætta.
4. Kjølnen, tørkehus for korn.
5. Sjå Omre-ætta.
6. Sjå Bringsvær-ætta.
7. Sjå Lauvrak-ætta.
8. Sjå Holte-ætta.
9. Sjå Haaøy-ætta II.

## BAKKE

Gnr 13

Så vidt ein kan sjå, har ikkje Bakke vore «reint og steint» ut frå Molland. Bakke var nok serskilt skyldsett med skyld 2 huder, men som nemnt under Molland heiter det (i 1766): Den under gaarden Mollands strækning beliggende gaard Bakke. Og Bakke blei då au i lang tid dreven saman med Molland.

Christian Nilsen Lund, som var son til Nils Jacobsen Lund og Helrad Jacobsdtr Friis på Molland, åtte halve Molland og Bakke. Sønene delte godset i 1771 og Lars Jørgen fekk Bakke. Han sat på Bakke i 1792 der han avla 1½ tn rug, 20 tn bygg og 2 tn poteter. I 1811 blei garden delt mellom sønene hans, Christian Larsen og Søren Larsen. Christian gav 2700 rd for halve garden 1 hud, men selde alt året etter til Anders Chr. Bie for 10 000 rd. I 1822 kjøpte så Gunder Aslaksen Gitmark dette bruket for 800 spd. Som nemnt under Molland kjøpte så brørne Jørgen Christian og Johannes Jacobsen bruket i 1830. Dei gav 825 spd, etter at part i Skoddet var skild ut. Dei delte garden og Johannes Jacobsens part blei lagd til Molland i den nye matrikkelen.

### *Bnr 2 Solbakken.*

Jørgen Christian Jacobsen bygde på Solbakken, nå bnr 2 Bakke. Ved salg av Langemyr i

1853 gjekk frå hans bruk  $\frac{2}{9}$  ksk. Sidan er det og fråskild ein del mindre parsellar. I 1867 har bruket 17 mål dyrka jord og kan fø 3 kyr. Jørgen Christian døde i 1877. Ingen av sønene tok med garden. Då kona hans Rennil Elise, f Dannevig, døde i 1894, gjekk bruket over til døtrene Anne Nelledine og Emma Jacobsen som fekk heile arven etter foreldra. Søskenbarnet deira, kjøpmann Mathias P. Molland, Grimstad, overtok bruket i 1942 for 17 000 kr. Mathias Molland som døde i 1957 gav det han åtte til eit legat. Og legatstyret selde i 1960 for 65 000 kr. Kjøpar var Magnus G. Birkeland f i Birkenes 1910. Han hadde tidligare forpakta eige-  
domen.

Mathias P. Molland selde i 1955 frå  $\frac{2}{24}$  av Herøya for 1000 kr.

Bnr 2 har nå skyld mk 2.89, har 16 dekar dyrka mark og 60 dekar produktiv skog. Sætehus av lafta tømmer i 1½ høgd, trulig bygd 1830, uthus bygd 1895.

### *Bnr 1.*

Søren Larsen Bakke overtok som nemnt halve Bakke i 1811. I 1821 selde han frå 3 ksk til Terkel Christoffersen som var komen frå Aasen, for 190 spd. Det er bnr 1 nå. Hoved-

bruket er bnr 20, Molland. Det gjekk ut av den gamle ætta i 1864.

Terkel Christoffersen var gm Karen Larsdtr Aagre. Terkel døde i 1863 — 70 år gl. Karen Larsdtr overdro så bruket i 1865 til sonen Lars Terkelsen for 600 spd. Han var gm Ane Osmundsdtr frå Hægebostad som døde i 1876 — 44 år gl. Lars som var f 1818, døde i 1880. Han var gardbrukar og tømmermann på skipsverft. Bruket blei i 1882 skj over til sonen Carl Teodor f 1874 for 3460 kr. Men vergen selde same år til Halvor Olsen Liene for 3200 kr. Lars Jensen Aagre overtok så same året, også for 3200 kr. Laurits Jensen Aagre fekk eiegenomen i 1909 for 3100 kr. Bruket som nå har skyld mk 1.68, hadde 15 mål dyrka jord i 1867,

god jord paa leer, heiter det. Kunne fø 2 kyr. Bruket hadde  $\frac{1}{24}$  i Herøya. Laurits Jensen selde denne parten i 1954 for 500 kr.

\*

*Lindheim bnr 3* av skyld 5 øre blei utskild frå bnr 2 i 1917. Karoline B. Morvigs arvingar gav i 1931 skj til Jacob Bentsen for 3800 kr. Sætehus bygd 1936. Anne B. Morvig har denne eiegenomen.

*Granum bnr 4* av skyld 7 øre selde Laurits Jensen i 1942 (bnr 1) til Harold L. Olsen for 1600 kr.

*Fredheim bnr 5* kjøpte Valborg Mathilde Haugseth av Laurits Jensen i 1951 for 1000 kr. Skyld 8 øre. Sætehus i  $1\frac{1}{2}$  høgd bygd 1952.

## AAGRE

Gnr 14

Namnet tyder på at garden er gamal. Det var naturlig at dei rydda her i solhellinga ned mot «Straumsåna». Før den nye vegen kom, gjekk den gamle «Prestevegen» til Eide på høgdene aust for Tjore og opp ved Aagre, men nå ligg garden utanfor trafikken. Bilisten i dag får bare eit gløtt av Aagre når han køyrer framom Tjore til Aagre bru og Molland.

Tidlig på 1600-talet var Aagre «lensmandsgaard» og fri m. a. båtmannsskatten i 1635. Nils Lauritzen var lensmann og «lastens forhandler udi Strømsfjord» m. a. i 1641—48. Han er nemnt som Nils Aagre m. a. i 1628 då han saman med fleire andre selde noen svære eikebjelker. I 1640 vitnar Peder Friis at han har fått 1 fv. brenneved til kgl. maj. skip Lindens av «kongl. Maj. bondelehnsmand i Landvig Niels Aagre». Nils er au nemnt som Nils Einertrø. Han åtte på vegne av kona si 1 hud i Aagre i 1624, men er ikkje nemnt som eigar sidan. I 1638 bygsler han Einertrø etter faren.

Det har nok bare vore 2 bruk på Aagre først på 1600-talet. På slutten av 1600-talet var det tri brukarar. I 1723 er det oppgitt 4 brukarar, då Inger og Kirsten Christensdøtre hadde 3 ksk. Men frå 1726 er det på ny bare to bruk. Og slik er det fram til 1874 då Jens Larsens bruk

blir delt mellom tri av sønene hans. Sidan den tid har det vore 4 bruk på garden.

Jens Aagre er nemnt som krone- og leiglendingsbonde i 1610, men ikkje sidan. Frå 1611 og utover til 20-åra er nemnt Christoffer, i 1622 Svend. Peder Aagre er «husmand» 1611, Nils 21—26—31, krone- og leiglendingsbonde 1637. Simen er «husmand» i 1628, krone- og leiglendingsbonde 1631. Denne Simen, som heitte Simen Nilssen, åtte på vegne av kona si 1 hud i Aagre i 1624. Han er eigar av 1 hud i garden fram til 1659. Og han åtte au ei tid 1 hud i Tjore. Det er derfor trulig at han var bror av Aanon Nilsen Tjore av den gamle Tjore-ætta. Me kan slutte oss til at Thyri Ellefsdtr som har 1 hud i Aagre i 1661, er enka hans. Stesøn til Simen, Ulf, eig jord i Kvannes i Høvåg i 1624. Det året har me au eit sk på Augland i Oddernes. Der får me vite at Gunhild Ellefsdtr hadde 1 hud jordegods i Aagre. Det ligg då kanskje nære å tru at den tredje huda i Aagre som Nils Lauritsen hadde på vegne av kona si, hadde han au fått med ei Ellefsdtr og at dei alle var døtre til lensmann Eilev Arnulfsen Udjus. Den kjende lensmannen Kristen Hjort i Tveit, som var son til Eilev, var tilstades på skiftet på Augland. Er denne hypotesen rett, har nok Nils Lauritsen blitt enkemann like etter 1624, for

Kirsten Pedersdtr som me finn på Einertro i 1645, er tålig sikkert enka hans. Han har då lote gjeve frå seg jorda i Aagre, trulig til Christoffer, for Ellef Christoffersen sit med denne huda frå 1640-åra og framover. Den huda som Auglandsfolket hadde, er på utanbygds hender til fram mot slutten av 1600-talet.

I 1668 blir Aagre sett ned i skyld frå 3 til  $2\frac{1}{2}$  hud. Det jordegods som Simen (og Thyri) hadde, er då gått over til Torjus Halvorsen som er nemnt som åsittar i 1664 saman med Eilev. som sit med sitt jordegods til sin død i 1704. Eilev og Torjus bruker hver halve garden i 1668.

Me skal nå først sjå hossen det gjekk med garden som Torjus hadde. Torjus sel frå  $3\frac{3}{4}$  ksk til Christen Ellefsen i 1683. Torjus lever til 1699, men gjev trulig frå seg garden noen år før til sonen Halvor som har  $\frac{5}{34}$  ksk i 1701. Denne garden går over til Aslak Jensen Vatnestrand som gifte seg med einaste dottera til Halvor, Anne. Halvor døde 1720 — 59 år gl. Aslak høyrde til Skiftenes-ætta (Laurits-ætta), og farmor hans var nok Anne Christoffersdtr frå Aagre. Me ser då au at dei på Vatnestrand har erva noe jord i Aagre. Halvor Torjusen hadde i 1708 løyst inn ca.  $4\frac{1}{2}$  ksk som søskena hans hadde fått. Og Aslak får sjølv ca. 1 ksk i Aagre ved arv frå Vatnestrand og løyser inn ved make-skifte vel 3 ksk, slik at han i 1726 og seinare sit som eigar av  $10\frac{3}{4}$  ksk, eller heile bruket.

Aslak gjev frå seg garden i 1759. Dette er det gl. lnr 38. Garden går nå frå far til son. Sonesonson til Aslak, Jens Larsen, aukar garden til over det dobbelte då han i 1838 kjøper 1 hud frå det andre bruket som blei delt i 1833. Dette fekk lnr 39 a. Jens har då tilsaman  $19\frac{3}{4}$  ksk eller omlag  $\frac{2}{3}$  av Aagre etter gamalt skyld. Då Jens dør i 1874, blir garden delt mellom dei tri sønene hans, Lars som får bnr 1, Tellef som får bnr 2 og Anders som får bnr 3.

#### Bnr 1.

Lars Jensen fekk sk på eigedomen i 1875 for 2112 spd. I 1900 går bruket over til sonen Jens for 9000 kr. Då Jens dør i 1904 sel enka garden på auksjon til Gustav Otto Gundersen Inntjore og bruket går ut av ætta. Gustav gav 6000 kr. I 1934 får dattersonen Otto Aagre bruket for 12 000 kr. med føderåd for seljaren.

Frå denne eigedomen blei i 1902 seld frå bnr 6 av skyld 1 øre, seld til Sven Sørensen, og i 1920 bnr 6 av sk 9 øre. Dette fekk Peder Stie for 500 kr. Bnr 1 har sk mk 5.71, har (1955)  $38\frac{1}{2}$  da dyrka jord og 200 da produktiv skog.

#### Bnr 2.

Tellef Jensen fekk skj i 1875 for 1852 spd. Bruket går i 1883 over til enka, Ingeborg Terjesdtr. Garden blir i 1904 seld til Johan D. Havstad (mor hans var søster til Jens Larsen Aagre) for 5100 kr. Han sel i 1913 til Ludvig Longum for 10 000 kr., men Longum som nok bare kjøpte på spekulasjon, selde same året til Odine Aanensen for 12 500 kr. Ho sel året etter til Chr. Hauge frå Birkenes for 13 000 kr. Han var ein kjend gardspekulant som kjøpte mange gardar, hogg skogen og selde så att. I 1916 får Tørres Havstad bruket for 8500 kr. Han selde året etter til Johannes Tellefsen for 9500 kr. og bruket kom då tilbake til næraste odelsmann og den gamle ætta. Torkel Aagre fekk bruket i 1949 for 14 400 kr. Same året blei fråskild bnr 7 Smiebakken av skyld 10 øre som søster til Torkel, Martha Aagre, fekk skj på i 1952.

Bnr 2 har skyld mk 4.26. Har 21 da dyrka og 120 da produktiv skog. Sætehus er oppgitt bygd i 1664, 2 høgda, 96 kvm.

#### Bnr 3 Aagreneset.

På Aagreneset har vore gamal husmannsplass. I 1657 betalar Oluf Aagernes kvegskatt 17 sk



Nedre Aagre (bnr 2).

(Fot. 1960. Tv.)

som husmann og strandsittar. I 59—60 er han nemnt som Olle Jacobsen på Aggerø Eye og betalar  $\frac{1}{2}$  dl i kontribusjonsskatt. Han var 50 år i 1664 og hadde ein son Jacob, 12 år. Ola er der i 1666, men sidan finn me ikkje husmenn på Aagre. Plassen er nok då blitt lagt ned.

I 1875 får Anders Jensen skj på bnr 3 for 835 spd. Han bygde på Aagreneset i 1878. I 1911 går bruket ut av ætta, då Tobias Olsen Vatnestrand får auksjonsskj for 5500 kr. Tobias sel i 1915 til Oline Jensen Udjus for 10 000 kr. Ho sel i 1917 til Torjus O. Udjus for 12 000 kr. I 1923 kjøper så lærar E. Line garden for 20 000 kr. Sonen, Stoffer Aasland Line, får bruket i 1945 for 12 000 kr. Bruket har 35 da dyrka mark og 220 da produktiv skog. Skyld mk 2.43.

#### *Eilev-bruket.*

Me såg at Eilev Christoffersen sat med 1 h i garden i 1640-åra og framover, i 68 sett ned til 10 ksk. Eilev sat med bruket til sin død i 1704. Av dette jordegodset gjekk 3 ksk over til døtrene Inger og Kjersti som brukte dei 3 ksk i omlag 20 år. Resten av bruket kom på framande hender etter 1704. I 1717 ser me at

Niels Christensen Aagre lyser sin «pengemangel's lysnings og odelsberettigelse tilkiendegivelse til de 7 ksk gods i Aagre som Gerul Aanundsens Tiore sig skal have tilforhandlet». Nils var son til Christen Ellefsen Aagre og soneson til Eilev.<sup>1</sup> Han kom ikkje til å løyse godset då han trulig er død noe etter. (Ikkje nemnt sk 1719.) Faren, Christen Ellefsen hadde som nemnt kjøpt  $3\frac{3}{4}$  ksk av Torjus Halvorsen i 1683. Han kjøper au  $5\frac{1}{2}$  ksk av Sjur Gammelsen Timenes i 1686 for 44 rd. Godset han kjøpte av Torjus fekk han for vel 23 rd. Det han kjøpte av Timenesmannen var nok av det gamle Auglandsgodset som då kom tilbake til Aagre. Tilsaman hadde Christen då  $9\frac{1}{4}$  ksk medan faren som nemnt sat med 10 ksk.

Anne Mogensdtr, enka etter Christen, sit med garden til sin død i 1717. Då overtar sonen Ellef Christensen. Ellef kjøper til dei 7 ksk som broren Nils hadde stemna på. Og han overtok nok au dei 3 ksk som farsøstrene hans hadde, for frå 1726 sit han med 1 hud 7 ksk i garden eller omlag  $\frac{2}{3}$  av heile Aagre. Og dette har Eilev-folket fram til 1809. Christen Ellefsen overtar etter mora Guri Olsdtr i 1763. Sonen Ellef Christensen dør som ungkar i 1809. Han



hadde to søstre som var arvingar. Og nå blir det stor strid mellom svograne Daniel Madsen Molland og Aanon Gjerulsen Tjore om garden. Aanon er ikkje nøgd med taksten på garden, 2500 rd. Han seier han gjerne skal gje 4000 rd og vil at dei skal selja garden på auksjon. Daniel, som er gm eldste søster til Ellef, vil at son hans, Mads Danielsen, skal ha garden for taksten. Det blir rettssak av det. Men det ender med forlik. Aanon overtar garden for 5000 rd i 1811. Ellef hadde elles au 6 ksk i Molland og pengar på kjøpet, så han var ein rik mann. Det blir 6400 rd til deling på dei to søsterpartane. Aanen sit så med bruket til han i 1828 sel til Ole Olsen Tjore for 500 spd,<sup>2</sup> og garden går ut av ætta.

Son til Ole, Lasse, overtar i 1833. Same året sel han lnr 39 a av skyld 1 hud. Hans Pedersen Storenes kjøper dette for 800 spd. Han sel i 1836 til Ole Osuldsen Skiftenes for 650 spd. I 1838 får som nemnt Jens Larsen kjøp på dette for 900 spd. Og nå er det han som blir sittande med over  $\frac{2}{3}$  av Aagre. Lasse sit att med lnr 39 b av skyld  $7\frac{1}{4}$  ksk, medan Jens har 1 hud  $10\frac{3}{4}$  ksk.

*Bnr 4 lnr 39 b.*

Lasse Olsen og seinare sonen skipper Peder Lassesen sit med bruket til 1901. Det kjem då på handel. Søster til Peder, Aasille, som var gm Thor Knudsen Frivold, får garden for 9500 kr., men sel same året til Ole Arnesen Lunebo. I 1915 går bruket til Peder Stie for same kjøpesum som i 1901. Olav Stie får eigeidomen (og bnr 6) i 1954 for 33 000 kr.

Bruket har 41 da dyrka mark og 150 da produktiv skog. Sætehus laftebygd i  $1\frac{1}{2}$  høgd, 80 m<sup>2</sup>, ombygd 1888. Nye uthus i 1947. Buskap (1955) 5 kyr og hest. Bnr 4 har skyld mk 3.00.

*EIGAR OG BRUKARREKKE GJENOM  
300 ÅR*

*1 hud (seinare  $10\frac{3}{4}$  ksk).*

Ca. 1620—ca. 1660 Simen Nilsen (og Tyri Eilevsdtr)  
« 1660—« 1662 Tyri Eilevsdtr  
« 1662—« 1695 Torjus Halvorsen  
« 1695—1720 Halvor Torjusen •  
1720—1759 Aslak Jensen gm Anne Halvorsdtr  
1759—1786 Jens Aslaksen  
1786—1820 Lars Jensen  
1820—1838 Jens Larsen.

*1 hud  $10\frac{3}{4}$  ksk.*

1838—1874 Jens Larsen.

Garden delt i 3.

*Bnr 1.*

1875—1900 Lars Jensen  
1900—1904 Jens Larsen  
1904—1943 Gustav Otto Gundersen  
1943— Otto Aagre.

*Bnr 2.*

1875—1883 Tellef Jensen  
1883—1904 Ingeborg Terjesdtr, enke e. Tellef  
1904—1913 Johan D. Havstad  
1913— Ludvig Longum  
1913—1914 Oline Aanonsen  
1914—1916 Chr. Hauge  
1916—1917 Tørres Havstad  
1917—1949 Johannes Tellefsen og Margrethe Aagre  
1949— Torkel Aagre.

*Bnr 3 Aagreneset.*

1875—1911 Anders Jensen  
1911—1915 Tobias Olsen Vatnestrand  
1915—1917 Oline Jensen Udjus  
1917—1923 Torjus O. Udjus  
1923—1945 Enevald Line  
1945— Stoffer Aasland Line.

*1 hud (seinare 10 ksk).*

Omkring 1624 Nils Lauritsen  
Ca. 1640—1704 Ellef Christoffersen.  
Jorda delt og seld.

*1 hud.*

Eigar 1624: Gunhild Ellefsdtr. Augland.

Jordegodset seinare oppdelt. Brukt av åsitarane på Aagre. Christen Ellefsen kjøper 5½ ksk i 1686.

*9¾ ksk.*

1686—1699 Christen Ellefsen  
1699—1717 Anne Mogensdtr, enke e. Christen  
1717—1726 Ellef Christensen

*1 hud 7¼ ksk.*

1726—1741 Ellef Christensen  
1741—1763 Guri Olsdtr, enke e. Ellef  
1763—1787 Christen Ellefsen  
1787—1795 Aase Aanonsdtr, enke e. Christen  
1795—1809 Ellef Christensen  
1811—1828 Aanon Gjerulsen Tjore gm Guri Christensdtr  
1828—1833 Ole Olsen.  
(Fråselld 1 hud.)

*Bnr 4 (7¼ ksk).*

1833—1901 Lasse Olsen og Peder Lassesen  
1901—1915 Ole Arnesen Lunebo  
1915—1954 Peder og Bertha Stie  
1954— Olav Stie.

*Utsåd, avling og buskap gjennom 300 år.*

I matr 1668 er førd opp utsåd 5 tn og at garden kan fø 1 hest, 16 naut og 18 «smaler». I 1723: Utsåd 5 tn 6 skj. Kan fø 12 naut, 5 sauer, 7 geiter. Garden skulle såleis ha gått tilbake. Garden fødde nok ikkje så mykje som tala fortel om. Christen Ellefsen, som brukte omlag tridjeparten av garden, hadde ved sk i 1701: 2 kyr, 1 kvie, 2 sauer, 2 geiter. I 1719 på same bruket (sk e. Anne Mogensdtr): 3 kyr, 1 kvie, 1 kalv, 6 geiter, 2 kje, 2 sauer. Om Ellef Christensen heiter det i sk 1742 at han hadde dreve garden ringt og garden var gått tilbake. Han hadde 1 hud 7¼ ksk, men hadde bare hest, 2 kyr, 1 kvie, 1 kalv, 4 geiter og 2 sauer.

Aslak Jensen på det andre bruket, dreiv nok

betre. Han hadde då ikkje fullt ⅓ av garden og hadde i 1757: 3 kyr, 1 kvie, 4 geiter og 2 sauer. Christen Ellefsen har i 1787: 1 hest, 2 kyr, 1 stut, 1 kalv, 6 geiter og 4 kje, 5 sauer og 1 lam. Sonen Ellef har nok drive betre, for han har i 1809: 1 hest, 6 kyr, 3 stutar, 2 kalvar, 13 sauer og 2 lam, 13 geiter og 3 kje, 3 bokker.

Takstmennene fører elles opp at garden kan fø 1 hest, 8 kyr, 25 sauer og 25 geiter. «— høe og slaattelandet er i god stand og ret opdyrket, og dertil en god løvskog», heiter det. Vidare: Agerlandet er i god stand og ret opdyrket til utsåd av 1 tnd rug, 4 tnd byg og 2½ tnd potetes.

For same eigedom hadde lensmann Brøndum i 1792 ført opp utsåd: ½ tn rug, 5 tn byg og 1 tn poteter. Det er synbart at potetdyrkinga er i sterk framvokster. Den samla avling av bygg blei i 1792 ført opp med 41 tn og av poteter 20 tn for heile garden.

1867: Jens Larsen har 61 mål dyrka og utslåtter til 12 lass, før hest og 9 kyr. Lasse Olsen har 26 mål «størstedelen skarp sandjord». Før hest og 3 kyr. Tilsaman 87 mål dyrka, 2 hestar og 12 kyr. Den samla utsåd på dei to bruka er 7<sup>2</sup>/<sub>12</sub> tn med avling 42¼ tn. Avlinga av bygg er nå gått tilbake til 14 tn. Dei har ikkje rug, men får 6¼ tn kveite og 22 tn havre. Av poteter set dei 6½ tn med avling 50 tn. Garden blir karakterisert som lettbrukt, mot i 1723: læt og tungvindt.

1955: Det er oppgitt eit dyrka areal på 136 da for dei 4 bruka. Og 4 hestar, 14 kyr. I 1867 blei det oppgitt at det bare var 1 mål dyrkingsjord til det eine bruket.

*Skogen.*

Det er ikkje stor skogvidde til Aagre, 690 dekar i alt, etter oppgave 1955. Det heiter i 1668: Skouff til brendefang. 1723: Skov til ildefang. Men i 1809 heiter det om Eilevs bruk: Skauven bestaar af eeg og furre, er i

bedste grøde og kan levere baade stor og god last og har tilstrækkelig vidde. I 1867 blir det oppgitt at Jens Larsen kan selje for 36 spd årlig, Lasse Olsen for 8 spd netto. I sk i 1809 er 2½ fv bjørkeved ført opp med eit verde av 2½ rd, men like mykje fureved er bare verd 1 dl 1 ort.

*Eit gløtt inn på Aagre først på 1800-talet.*

Det er ikkje her plass til noen skildring av livet på garden gjennom dei skiftande tider, men me skal ta eit utsnitt av det skiftet etter Eilev Christensen gir opplysning om i 1809, om det dei då hadde av gogner og utstyr.

Til gardsdrifta: 1 ny plov med tilbehør, 1 gl. dito, 1 harv med jernbehør, 3 grev, 6 gl. ljaer, 2 gl. sigder, 1 høresold, 3 nye drøftetroger.

Til køyring: 1 høivogn, 1 par gl. hjul, 1 ny vedslæde, 1 arbeidssele, 1 juretoug.

Til «ferd og fest»: 1 jernslæde og velbeslagen karm-slæde (12 rd).

Til handverk: 3 bindøkser, hoggjern og skjøl, stabens naver, hammer og tang, 2 hollhaker, 1 grinnesag, 1 slipestein, 1 smiste, 1 skrustikke, 1 langhøvl, 1 skruphøvl.

Til matstell: 1 stor gryte, 1 mindre, 1 bagehelle.

Til bordet: 1 tinnfat, 1 dusin tinntallerker, 2 gl. dito,

1 tinnkopp, 1 par gl. tinnlysestaker, 1 par messingstaker, 1 hvid stenkafeekande, 1 blaa og hvid thekande med 6 kopper, 1 hvid thekande, 1 hvid smørbøtte. Dessutan hadde dei mykje sylv.

Husbunad: 1 stueuhr, 1 speil, 1 lidet dito, 1 egeskatol med laas og beslag (12 rd), 1 egevegebord, 1 gl. skrivebord. 1 stor malet kiste med laas, 1 mindre dito. ½ dus. blaamalede træstole, 4 gl. dito. 1 blaamalede skab med 2 laaser, 1 grønmaled roskab med laas.

Til kvinnearbeid: 1 vevgang og rennestol med 6 forskj. vevskeer, 1 manglefjel og stok, 1 strygejern med bolt, 1 par karrer, 2 gl. rokker.

Til brygging: 2de bryggekar, 1 liden egessaa.

Til mjøl og kjøtt: 1 stor byre, 1 melbyre, 1 stor tønne til kjøt, 4 gl. smaa dito.

Bøker: 1 gl. huspostil, Johan Arnts Sande Christendom, 1 bibel, 1 ny psalmebog.

Fangst og fiske: 1 haglgevær, 1 vad 20 fv., 4 fiskegarn, 5 gl. dito, 1 sildegarn, 1 pram.

Forutan dette var det vanlig av linklæde og sengeklæde. Alt blei seld på auksjon eit par år etter og det kom inn 1290 rd, eller over det dobbelte av registreringsverdet.

*MERKNADER*

1. Sjå Aagre-ætta.
2. Sjå Tjore- og Flaa-ætta (Tjore og Aagre).

## MORHOLT

Gnr 15

Då første bureisingsmannen tok til å rydde på Morholt, var det nok tett furuholt bortover sletta. For Morholt har ikkje same djupe jord som ein finn på gardane kring Landvikvatnet. Matrikkelkommissjonen 1867 karakteriserer då og eit av dei større bruk slik: 40 maal hjelpelig sandjord. Om eit av dei andre bruk heiter det: Middels god, størstedelen paa sand. Men lognt låg garden mellom låge kollar. Og nær sjøen som var alfarvegen. Garden er rekna som fullgard med skyld 4 huder først på 1600-talet og utover. I matr 1668 er då og ført opp at garden kan fø 24 naut, 3 hestar og 30 «smaler». Det var normen for ein 4 huds gard. Utsåden var sett til 8 tønner. I 1723 er det ført opp at garden kan fø 3 hestar, 18 naut, 13 sauer og 13 geiter. Skov til brændeved. Flomqvern til eget behov. Lætvindt. I 1792 — det var då ikkje meir enn tri bruk på Morholt — var utsåden 1½ tn rug, 10 tn bygg og ½ tn poteter. Samla kornavling var 46½ tn. I dei tri husstander var det i alt 23 personar med smått og stort, så dei berga seg nok med matkorn.

I 1867 var det dyrka litt myr. I alt var det då 240 mål som var dyrka, og kommissjonen rekna med at dei kunne fø 4 hestar, 17 kyr pluss ungdyr, eller omlag det same som i 1723.

Det er elles i 1867 ført opp 46½ mål dyrkingsmark. Nå har bruka som høyrer til Morholt 350 dekar dyrka mark. Det meste av den nye jorda er innvunne av Morholtmyra og Morholtmonen.

Skog er det ikkje større av til Morholt. I 1867 er det tri av dei 11 bruk som har nok skog til husbruk og dei kan selje for 5 spd 90 sk netto.

I 1875 var det på garden 3 hestar, 22 kyr og 23 sauer. Utsåden var 25½ tn korn. Av dette var 17⅓ tn havre, vel 4 tn bygg, resten kveite og rug. Av poteter sette dei 31½ tn. Det høyrde då heime 62 menneske på Morholt, men fleire var til sjøs. Det var 5 skipsførarar, 3 styrmenn, 3 skipstømmere.

### *Den gamle ætta — oppdeling av garden.*

På 1500-talet var Morholt ein del av det store Bringsvær-godset.<sup>1</sup> Men me kjenner ikkje brukarane på garden før på 1600-talet. Så seint som i 1624 er heile Morholt på utanbygds hender. Då er Jens Oudenssen på Morholt. Han var gm Aallaug Gundersdtr som trulig var av Bringsvær-ætt. Jens var frå Nærbø.<sup>2</sup> Han brukte halve Morholt og var eigar av 16 ksk ved sin død i 1650. Slekt etter Aallaug og Jens sat på

Morholt og brukte gjennom 16- og 1700-talet omlag  $\frac{4}{5}$  og åtte også det meste av garden, men ikring 1800 tok det til å gå tilbake med den gamle ætta. Sonesonsonen Erik Toresen åtte og brukte 2 huder  $4\frac{1}{8}$  ksk i 1792. På eit av dei andre bruk sat då Hans Johnsen som brukte  $10\frac{1}{8}$  ksk. Farmor hans var Gunhild Jonsdtr Morholt, ei sonedotter til Jens og Aallaug. Det tredje bruket som var på  $9\frac{3}{4}$  ksk hadde Henrik Ellingsen. Dette bruket kan me fylgje tilbake til på slutten av 1600-talet. Det var Hans Larsen Inntjore<sup>3</sup> som hadde dette bruket. Ei sonedotter blei gm Henrik Ellingsen Lundén.<sup>4</sup> Siste mann av denne ætta på Morholt var Henning Johan Henriksen som kom avdage i 1899. Bruket hadde då vore i ætta i 200 år. Det er dette bruket Nils Gauslaa<sup>5</sup> har nå (bnr 1—2).

Bruket som Hans Johnsen sat med i 1792 og som var gått ut frå det gamle hovedbruket, gjekk vidare i ætta til Johan Maurits Hansen Morholt selde i 1948. Det er bruket som Sjur Lien har nå (bnr 8).

Son til Erik Toresen, Tor Eriksen, selde frå 1 hud av garden i 1802 til Gunder Danielsen Østerhus og 9 ksk i 1806 til Hans Olsen Skiftenes. Erik sat att med  $7\frac{1}{8}$  ksk. Bruket (bnr 10 nå) gjekk ut av ætta i 1865.

Ein bror av Erik, Terje Toresen, hadde fått Morholtmonen. Då sonen Tor Terjesen kom bort på sjøen i 1871 og broren Sevrin Terjesen døde i 1873, er det slutten på den gamle mektige ætta på Morholt.


Bruket som Hans Olsen Skiftenes kjøpte i 1806 gjekk ut av ætta då sonsonen Joakim Olsen døde i 1902. Det er bnr 6 som Tobias Aas har.

Gunder Danielsens bruk blei delt i 1865. Anna Gundersen hadde hovedbruket bnr 5 til ho døde i 1960. Bnr 3 (og 10) har Augusta Nilsen Morholt, dotter av Gunder Gundersen.<sup>7</sup>

#### *Garden på 1600-talet.*

Jens Oudenssen brukte som nemnt halve Morholt, trulig frå 1624, då han første gong er nemnt. Den andre brukaren var Nils Lauritsen. Han var 70 år i 1664. Han åtte ikkje noe i Morholt, men hadde i 1643 i Vatne, Mebø og «Thøfle» (Taule), tilsaman 1 hud  $2\frac{1}{4}$  ksk. I 1647 leigde han 16 ksk av Gunder Foss «i Mandals Lehn»,  $\frac{1}{2}$  hud av Jens Morholt og 2 ksk av Jørgen Støle (Støffle), tilsaman 2 huder. Sidan sat han med dei 16 ksk som Foss-folket åtte. I 1661 ser me at han leiger 1 hud 4 ksk av «Knud Jensen i Topdal som er bedstemand». Han hadde ein son, Laurits Nilsen, som var 38 år i 1664, men han er ikkje på Morholt i 1668. Då brukar «enchen Haalhoff» som ho då er skreven, 1 hud 8 ksk, og Jon som er sonen hennar, 2 huder 4 ksk. Aallaug åtte det ho sat med, Jon hadde  $4\frac{3}{4}$  ksk. Det var nok farsarv, for me ser at svograne Aanon og Nils Østerhus sit med  $2\frac{3}{8}$  ksk hver. Så har Gunder Birketvedt  $2\frac{1}{2}$  ksk. Han var nok bror til Jon. Til slutt er ført opp at Knud Houge eier med pandt 1 h 4 ksk. Knud Hauge på Haugø i Birkenes er den same som Knud Jensen Foss (Tveit), men nå var det altså Jon Jensen som brukte dette godset og dermed heile Morholt saman med mora.

Dei som sat på garden frå 1610 og utover, kjenner me bare av namn. Anders Maarholt er krone- og leiglendingsbonde i 1610. Han var lagrettemann og skreiv 24/4 same året under dokumentet om Prins Christian den V's hylling. I 1611 er nemnt Anders Suarre Maarholt som husmann, i 1610 Hans Maarholt hm. Hallfuor Morholt er krone- og leiglendingsbonde i åra 1617—18, i 1723 Ragni Maarholt, i 1626 Ragnild, men då som «husmann», frå jul same året Niels, trulig den same som Nils Lauritsen som i 1621 er «dreng for half løn». Rasmus på Morholts eige er nemnt frå 1617 og utover til 1626, men i 1664 er det



*Mange nye bruk og heimar er kome på dei gamle plassane på Morholtmonen og Morholtmyra.*

ingen husmenn på Morholt, så plassen er vel blitt nedlagd. I åra 1611—14 er elles nemnt Christen Schomager Morholt, ein av dei første handverkarane me veit om i Landvik.

*Fram gjennom 1700-talet.*

I dei siste tiår av 1600-talet har me ingen opplysningar om garden. Jon Jensen døde i 1695 — vel 71 år gl. Han var gm Aase Toresdtr frå Metveit (Dolholt-ætta) og ho sat som brukar av 3 huder  $2\frac{1}{4}$  ksk i 1701. Hans Larsen som tidligare er nemnt, hadde resten av garden  $9\frac{3}{4}$  ksk. Han var då 36 år og trulig flytt til på denne tid. Same året har han sonen Lars til dåpen. Han var gm Signe Aanonsdtr Dolholt. Mormor hennar var Rannei Jensdtr

Morholt som var g til Østerhus. Hans var frå Inntjore, bror til Terkel Larsen. Same ætta sit på garden der ennå. Det ser ut til at Dolholtfolk har ått den jorda i Morholt som Hans Larsen hadde. Han får skj i 1711 frå Anders Aanonsen Grøm på  $3\frac{1}{4}$  ksk, noe hadde han fått ved sk 1692 og resten fekk han skj på i 1721 frå Gunder Aanonsen Dolholt og Aanon Olsen Grefstad.

I matr 1706 står Jon, som var død i 1695, framleis som brukar av 3 huder  $2\frac{1}{4}$  ksk og eigar av 1 hud  $8\frac{1}{4}$  ksk. Men det var vel Aase Toresdtr som då sat med jordegodset. Sonen Tore Jonsen gifte seg i 1709 med Gunhild Eriksdtr Tjore av den gamle Tjore-ætta og fekk nok då ein part av garden til bruk.

Skoskatten 1711: Hans 6 personer, Aasse 5, Thoere 3, Terchild 3. Terkel er første gong nemnt 1703 då han har sonen Jon til dåpen. Han var som nemnt gm Gunhild Jonsdtr Morholt, men me veit ikkje hvor han var frå.<sup>8</sup> I 1723 brukte han 6 ksk av garden. Seinare blei dette bruket utvida og var som nemnt på 10 $\frac{1}{8}$  ksk i 1792.

Først i 1716 var det skifte etter Jon Jensen. Aase Toresdtr sat då som eigar av 2 huder 1 $\frac{1}{4}$  ksk og lausøyre for 102 $\frac{1}{2}$  rd. Det gjekk frå i gjeld og sk.kostnad 57 rd. Det var ikkje så stor buskapan: 6 kyr, 1 kvie, 2 kalvar, 5 geiter, 4 sauer, eit par kje og lam og 1 hest. Det måtte vere ein gamal øyg, for hesten blei sett i 2 rd.

Når ikkje buskapan var større, er vel forklaringa den at Tore Jonsen brukte ein større part av garden. I 1723 hadde han 1 hud 7 $\frac{1}{8}$  ksk medan Aase hadde 1 hud 1 $\frac{1}{8}$  ksk, til saman 2 huder 8 $\frac{1}{4}$  ksk. Dette brukte nok Tore etter at Aase var død i 1725. I 1752 står han som eigar av 2 huder 4 $\frac{1}{8}$  ksk. I åra mellom er nok 4 ksk skild ut og lagd til Terkels bruk (Jon Terkelsen). Slik var det i 1744 då Jon Terkelsen blir eigar av bruket 10 $\frac{1}{8}$  ksk ved overdragingsbrev frå søsken og svograr.

Dei sat godt i det på Morholt i den tida. I 1743 er Tore Jonsen likna for 150 rd i lausøyre, Hans Larsen for 200 og Jon Terkelsen for 40 rd. Same året ser me at dei alle er lagrettemenn. Tore Jonsen møter som lagrettemann 30. april og gjer eiden sin, men dagen etter må domaren «ugierne fornemme» at Thore Jonsøn Morholt «hafde drukket sig drukken hvorfor han fra Rette blev afvist». Lensmann Christoffer Ohnsorg (Øyestad) «blev tilholdt, saadan tildragelighed for fogden at anmelde, at Thore Jonsøn Morholt derfor kand blive tiltalt og andseet». Me veit ikkje hossen det gjekk med dette, men Tore møter på ny som lagrettemann 29. juli same året.

### *Ei syrgjelig sak.*

Det året Aase Toresdtr døde — ho blei gravlagd 13. mars 1725 — 80 år gl., kom det opp ei syrgjelig sak mot dotter hennar, Torbør Jonsdotr, som var blitt med barn med svogeren Peder Christensen Morholt. Saka blir i all sin triste dramatikkk rulla opp for retten på Bringsvær ting i Lars Dokkedals hus i Grømsstad 9. juli same året og saka sette nok heile bygda i spaning og medkjensle og slekta i sorg, for det var bare ein utgang å vente og det var dødsdom. Ein kan tenke seg den sum av liding og otte stakkars Torbør Jonsdtr må ha gått gjennom før ho stod i retten med sitt 3 månader gamle barn og laut fortelja om det ho hadde gått gjennom. Ho tilstår at det er Peder Christensen som er faren til barnet. Peder var gift med ei yngre søster, Mari. Tri viker før påske — det var natt til 13. mars — hadde ho rømt saman med Peder «af frøgt for den straf som de viste for slig misgjerning at vere underkast». Og så fortel ho vidare:

«Den samme dag de rømte, fultes de ad til Strobros (Strømsbru?) hvor de om morgenen tidlig skiltes ad, og der med hinanden tog avskjed, da han og til hinde sagde at ville gaa til Arendal for der at komme paa et skibsrom og gaa over med til Holland. Siden sagde hun iche at vide hvor han av blev. Ellers bekiendte at hun foer til Sandøen i Dyvog sogn og der ankom dagen efter, hvor hun opholdt sig i 3 dagers tid, da det omsider ankom en baad østenfra, som vilde til Christiansand, med den hun og saa langt fortsatte sin reise.»

Så vandrar ho vidare vestover, men kjem ikkje lenger enn til Greipstad og kom der inn på ein husmannsplass, Moen kaldet.

... hvorfra hun icke lenger kunde gaa, siden siugdøm og svagheid hende der paakom. Atte dager etter kom barnet. ... sagde ellers efter tilspørgende at udi hendes barnsnød var overværende husmanden Anders Aasmundsen Monens hustru Siri og en anden naboquinde ved navn Karen for hvilke 2de quinder hun aabenbarede denne sin forseelse og begangne synd med hendis søsters mand Peder Christensen Morholt.

Det går fram av vitneførsla at den einaste som hadde visst noe om tilstanden før eit par dagar før dei to rømte, var Mari Jonsdtr, syster til Torbør og kona til Peder. Torbør hadde ein månads tid før jul fortalt det heile, og likeins mannen.

... som han og tillige tilstod, og før vidnet som hans hustru aabenbarede, og bad inderlig om forladdelse, heiter det.

Futen spør då håfor ho ikkje har sagt frå til «øvrigheden».

... dertil hun svarede at saadant av hende er skeed av bare enfoldighed, fordi hun icke havde formedelst medynksomhed hiertelaug dertil, forklarede ellers efter tilspørgende at hindes mand Peder Christensen var der efter hiemme hos hinde, indtil natten til d. 13. martii næstleden, tillige med Torbør Jonsdatter bortrømte, da han med hende samme aften tog kierlig avskjeen, saavel som og hindes søster Torbør Jonsdatter, og siden den tid viste icke vidnet hvor hindes mand av blef, men haver vel hørt av andre spørgere at han skulle være kommen til Holland.

Domen fell neste dag. Som venta blir det dødsdom, som blir stadfest ved lagtingsdom 11. september same året. Men domen blir ikkje eksekvert. Saka kjem oppatt 11. juli neste år. Då krev futen dødsdom over Peder Christensen. Mari Jonsdtr er tilstades, men held fast ved det ho tidligare har sagt at ho ikkje veit hvor mannen er. Ho hadde vore innkalla til å møte på Bringsvær ting 31. oktober året før, men Mari møtte ikkje då. Ho var reist til København. Men kva ærend ho hadde vore ute i, fortel ho ikkje eit steinsens ord om. Men Peder blir dømt.

... thi bør han for saadan begangen blodskam med sin hustrus søster Torbør Jonsdatter, have forbrudt sit liv, naar og hvor han her udi H. Kong. May. Riger og lande kand andtreffes, samt hans boeslod til H. May. at vere hiemfalden.

Dei får nok ikkje tak i Peder. Sensasjonen kjem elles seinare på året. Torbør har rømt! På Bringsvær ting 11. november:

Mons. Hans Skaaning paa fogden Christian Flors vegne i rette gav hans skriftlig utstede stevning dat. 7.

oct. 1726, hvormed han til dette ting haver indstevnet Ellef Birketvedt og Ole Tallaksen ibidem, at lide domb og straf, formedelst de som vagtholdere over Torbør Jonsdatter Morholt har ladet hende udkomme av hindes arest og fængselssted.

Ingen av dei innstemnde møtte. Saka blei utsett til vårtinget, men eg har ikkje funne meir om saka og det dei utsette seg for dei som let Torbør sleppe unna. Kanskje kom ho og over til Holland, me veit ikkje meir om lagnaden hennar.

Mari Jonsdtr døde på Morholt 1754 — 60 år gamal. Ho gifte seg med Peder i 1721. Han er då nemnt Peder Christensen Morholt og har trulig tent på garden. Dei fekk ein son Christen som døde 1 år gl i 1722. Dei hadde ei dotter, Ane f 1724. Ho døde i 1748, så det er ingen etterkomarar etter Mari og Peder.

*Erik Morholt er talsmann for bøndene.*

Etter at Tore Jonsen var død i 1762, overtok sonen Erik Toresen dei 2 huder 4 ksk som faren hadde hatt, og sat såleis med over halve Morholt. Ein eldre bror, Jon Toresen, døde i 1741, bare 29 år gl. Han var gm Gunvor Toresdtr Torp som døde same året som Jon. Dei hadde tri born, men ingen levde opp. Erik var gm Gunild Aanonsdtr Torp, men ho døde eit par år etter giftermålet, bare 24 år gl. Dei hadde ei dotter. I 1767 vigde Erik med Barbra Nilsdtr Ribe og fekk med henne 11 born.

I 1772 klaga bøndene i Landvik over kolleveringa til Frolands Verk. Dei hadde sendt ein søknad til stiftamtman Hagerup om å få tingsvitne om leveringa og det blei rettsmøte om dette. Det heiter:

Den samlede almue, som med reqvirenterne møtte, svarede enstemmig at det falder dem utaalelig at avlevere det paalagte quantum, som i fald det skulde kreves, endog under den nu begyndte executions tvang, avlevere heller sine gaardes skouge til bergverkseiernes forordningsmæssige brug og egen drift, men for at vise Landvigs sogns eenstemmige tanker derom, fremlagde de 4re mødende supplicanter desuden ved Erich Mor-



holt een memorial til hr. stiftamtmand Hagerup dat. Morholt 1. okt. 1772 med bemeldte hr. stiftsbefalingsmandens paategnet resolution af 6. dito.

Me må då gå ut frå at det var Erik Toresen som i denne sak var førar for bøndene. Det er vel og helst trulig at han hadde skrive «memorialen». Nå førde ikkje klaga fram, dei fekk ikkje føre tingsvitne . . . thi frafaldes klagerens anlæg, men overlades dem paa anden tid, stød og maade at besørages, heiter det.

Erik Toresen sat gjeldfri på garden. Ved sk etter Barbra Nilsdtr i 1790 blei jordegodset 2 huder 4 $\frac{1}{8}$  ksk taksert i 20 rd pr. kalvskind. Netto til deling 646 $\frac{1}{2}$  rd. Men det var mange om arven. Ni born levde ved skiftet. Erik som var f i 1728, døde i 1793.

#### GARDEN ETTER 1800 — EIGAR OG BRUKARREKKE

I 1801 er det framleis bare tri bruk på Morholt. Tore Eriksen sit med det gamle hovedbruket. Han var gm Helje Terjesdtr frå Froland. Dei hadde 2 born, Erik og Terje. Elles var to brør og ei søster av Tore på garden. På det andre bruket var John Hansen og Ane Marie Bentsdtr, ei lita dotter, ei 12 år gl tenestgjente og så foreldra til John.

På det tredje bruket sat Henrik Ellingsen og kona Karen Olsdtr med Henriks 2 vaksne born av 1. ekteskap og to av 2. ekteskap.

Så var der to husmenn. Christen Jensen med kona Ane Hansdtr, ho 86, han 62 år. Ei ugift dotter. Vidare Aslak Christophersen. Han var 52 år, kona Ane Catrine 62 år. Ein son Knud 24 år.

Tore Eriksen selde som nemnt frå to bruk av garden, så han sat att bare med  $\frac{1}{4}$  av den gamle ættegarden. Det første ti-året på 1800-talet var elles ei oppløysingstid på mange måter. Det blei rikeligare med pengar og mange bønder blei frista til å selje. Det er karakteristisk at då Tore i 1802 selde ei hud jorde-

gods til Gunder Danielsen Østerhus, fekk han 450 rd, men 700 rd for 9 ksk då han i 1806 selde til Hans Olsen Skiftenes.

I dei harde og pengeknappe tider etter 1814 ser me at Erik Torsen, som sat med resten av farsgarden, hadde vanskelig for å greie seg. Han er ute på lånemarknaden både i 1818, 1826 og 1834. Siste gongen låner han 100 spd av Øven Terkelsen Hesthagen. I 1841 sel han frå jordstykket Tungen og skogstykket Skibbefjeldet til Bent Johnsen.

For det gamle hovedbruket kan me sette opp denne eigar- og brukarreкке:

1624—1650 Jens Oudenssen  
1650—1670 Aallaug Gundersdtr og Jon Jensen  
Ca. 1670—1695 Jon Jensen  
1695—1725 Aase Toresdtr og Tore Jonsen  
1725—1762 Tore Jonsen  
1762—1793 Erik Toresen  
1793—1802—06 Tore Eriksen.

#### Bnr 10 (7 $\frac{1}{8}$ ksk).

1806—1812 Tore Eriksen  
1812—1815 Helje Terjesdtr gm Jakob Degn  
1818—1862 Erik Torsen  
1862—1865 Peder Madsen Vig gm Tarjer Eriksdtr  
1865—1867 Aanon Ommundsen Frivold. Gav 1200 spd for egedomen  
1867—1873 Knut Olsen, kjøpte for 1000 spd  
1873— Nils Nilsen, kjøpte for 1050 spd  
1947— Augusta Nilsen har heimel til bruket.

Skipsførar Nils Nilsen Nærebø<sup>9</sup> var gm Olivia Munch og kjøpte som nemnt bruket på Morholt i 1873. Sonen Georg Alfred Nilsen f 1876, var heradskasserar i Landvik. Han var gm Johanne Augusta Gundersen f 1888, dotter av Gunder Gundersen Morholt.

Sætehuset på garden er bygd 1829, uthus 1897. Bruket er driven med forpaktar Skyld mk 1.56.

#### Bnr 5.

Gunder Danielsen kjøpte som nemnt 1 hud i 1802 av Tore Eriksen. Han sat med bruket



Hovedsættet for Gundersen-familien på Morholt. Etter at Anna Gundersen døde i 1960 er garden gått ut av ætta.

til 1837 då Daniel Gundersen overtok. Han var gm Maren Jensdtr Støle som fekk bruket etter at Daniel var død i 1860. I 1865 blei garden delt. Den eldste av sønene, Gustav, fekk hovedbruket på 8 ksk for 2000 spd. Han var skipsfører f 1829. (Ein yngre bror, Gunder Gundersen, fekk bnr 3 på 4 ksk.) Hovedbruket gjekk i 1914 over til sonen, kjøpmann i Grimstad J. A. Gundersen, for 12 000 kr. I 1915 fekk søstera Anna Gundersen garden for 15 000 kr. Anna Gundersen døde 1960.

Dei ruvande sætehus på garden bygde Gunder Danielsen då han kjøpte på Morholt, ombygd i 1868. Bruket som har skyld mk 2.95, har 45 dekar dyrka mark og 20 dekar produktiv skog.

#### Bnr 3

overtok Gunder Gundersen som nemnt i 1865 — for 1000 spd. Han var skipsfører som broren og bygde nye sætehus i 1882. Gunder Gundersen var gm Olivia Jacobsen, dotter av Johannes Jacobsen Molland og ho overtok bruket 1897 etter at mannen var død. Paul Gunnar Gundersen overtok i 1927 for 12 500 kr. I 1935 overtok Augusta Nilsen for 10 260 kr.

ved sk etter Paul Gunnar Gundersen (sjå bnr 10). Bnr 3 har 15 dekar dyrka mark. Skyld mk 1.58.

#### Bnr 6,

det bruket som blei utskild med 9 ksk frå hovedbruket, kjøpte Hans Olsen Skiftenes i 1806 for 700 rd. I 1845 gjekk bruket over til sonen Ole Hansen. Han selde i 1856 eit stykke til Tor Terjesen og i 1865 noe til Matias Gundersen. I 87 blei parsellen Madsmyr fråskild. Sonen Joakim Olsen overtok i 1898 for 9600 kr. Joakim Olsen var skipsfører som dei fleste gardeigarane på Morholt, f 1846. Han døde 1900. Han var gm Gusta Margrethe Gundersdtr Landvik som i 1902 selde til Halvor Olsen Abusland for 9000 kr. Ingeborg Olsen Løvrak kjøpte i 1909 for 10 000 kr. Året etter selde ho til Ole Andreassen Eskedal for 9000 kr. Så kjøpte Tobias Aas i 1920 for 25 000 kr., og han har sidan hatt garden, som har 32 dekar dyrka jord og 80 dekar produktiv skog. Sætehus i 1½ høgd bygd 1882, uthus same år. Skyld mk 3.12. Tobias Aas er f i Birkenes 1893, son av Lars Aas som kjøpte Lia.

#### Bnr 8.

Dette bruket blei utskild frå det gamle hovedbruket først på 1700-talet, men noe sikkert årstal veit me ikkje. Som nemnt var Terkel Terjesen komen til Morholt like etter 1700 og gm Gunhild Jonsdtr, ei dotter av Jon Jensen Morholt og søster av Tore Jonsen. Dei fekk noe av garden, trulig kring 1710, sidan blei gardparten auka til 10⅓ ksk.

Me kan sette opp denne eigar- og brukarrekke:

Ca. 1710—1744	Terkel Terjesen
1744—1771	Jon Terkelsen
1771—1800	Hans Jonsen
1800—1838	John Hansen
1838—1880	Hans Johnsen
1880—1923	Henning Hansen

1923—1932 Mina Hansen, enke e. Henning  
 1932—1947 John, Nanna og Marie Hansen  
 1947—1948 John Maurits Hansen  
 1948— Sigrid Lien.

Dette bruket var som tidligare nemnt på 10 $\frac{1}{8}$  ksk. I 1841 skilde Hans Johnsen frå 1 ksk til broren Bent Johnsen. Han hadde i 1826 festa ein plass med årlig avgift 3 spd. Hans Johnsen hadde ingen livsarvingar. Han gav garden til søstersonen skipsfører Henning Hansen f 1833. Foreldra var Gunhild Johnsdtr Morholt og Hans Brinch frå Grømstad. Henning var skipsfører då han gifte seg i 1867 med Anne Tomine Olsen Molland (Mina Hansen). Dei hadde borna Hanne Gurine 68, Hans Johnsen 71, John Maurits 72, Anne Marie 73 og Alfred Martini 75. John Maurits fekk utlagd eigedomen ved skifte etter søstrene i 1947 for 27 000 kr. og selde året etter til Sigrid Lien for same sumen.

Sigrid Lien f 1911 på Voss er gm Sjur Lien f 1900 i Evanger ved Bergen. Sjur Lien var busett i Polen i 20 år og var der under krigen og styrte då med den norske legasjon der. For dette fekk han kongens fortienstmedalje i gull. Han bygde nye store hus på eigedomen, nytt uthus 1949 og nytt sætehus 1951. Dei gamle 2-høgda hus på garden skal vere bygd kring 1750. Det må då vere Jon Terkelsen som bygde dei. Bruket har 45 dekar dyrka mark, samla areal 370 dekar. Skyld mk 4.23.

#### Bnr 1—2.

Dette bruket kan me som nemnt fylgje tilbake til slutten av 1600-talet. Hans Larsen Inntjore fekk då bruket som var på 9 $\frac{3}{4}$  ksk og var i same ætta i 200 år, fram til 1899. Enka etter siste mannen av ætta, Henning Johan Henriksen, hadde elles garden til 1910.

Hans Larsen døde i 1725 — 59 år gl. Ved skiftet året etter hadde dei på garden hest, 4 kyr, 1 kvie, 1 stut — og 1 geit. Året før



Gamal gard på Morholt (bnr 1—2).

han døde hadde Hans kjøpt 6 ksk i Lia. Hans var gm Signe Aanonsdtr Dolholt som døde på Morholt i 1762 — 92 år gl. I 1742 fekk Lars Hansen skj frå mora og medervingar på 8 $\frac{17}{32}$  ksk for 85 rd 1 ort 6 sk og var frå den tid eigar av garden. Han døde i 1765 og åtte ved sin død forutan Morholt også 1 hud 4 $\frac{1}{2}$  ksk i Lia og 4 $\frac{1}{2}$  ksk i Lunden som var arv med kona Inger Andersdtr Einertrø. Lars og Inger gav seg i 1764 i follaug til svigersonen Knud Bentsen Imenes som fekk Lia. Ei dotter, Ingeborg, var gm Henrik Ellingsen Lunden i 1763 og dei var på Morholt. Forutan jordegodset hadde Lars og Inger lausøyre for 158 rd netto.

Ingeborg Larsdtr og Henrik Ellingsen hadde 7 born, men bare tri av dei levde ved sk etter Ingeborg i 1780. Og Henrik sat ikkje då så serlig godt i det. Garden blei sett i 265 rd og det var lausøyre for 45 $\frac{1}{2}$  rd, men det var mykje gjeld så nettoen var ikkje meir enn 156 $\frac{1}{2}$  rd.

Henrik gifte seg oppatt i 1783 med Karen Olsdtr Houseland. Ein son og ei dotter levde opp. Det var sikkert nok Henrik Ellingsen som bygde dei sætehus som ennå står på garden. Han døde i 1807 — 69 år gl. Garden blir nå sett i 429 rd, men nettoen blir ikkje fullt så stor som i 1780. Han var m. a. skyldig

36 rd for 6 års skattar. Enka får utlagd 10 rd til gravferdskostnad og får for dette «en rød-sort og hvid ko». Skrivaren får for skiftet m. a. utlagd ein kakelomn for 7 rd, 1 sølvbeger og 1 sølvskei. Elles hadde sønene hans tilgode vel 100 rd. Det var lausøyre for bare 62½ rd. Av skiftet går det fram at heile buskapen var ei ku og ein sau med lam, men grunnen var nok at sonen Lars Henriksen hadde fått garden til bruk. Ved sk etter første kona hans, Ane Olsdtr Østerhus som døde i barsel i 1803, hadde dei tri kyr. Lars Henriksen gifte seg oppatt same året med Gunvor (Gurine) Pedersdtr Frivoll. Ho døde på Morholt 1849 — 81 år gl, Lars i 1835 — 69 år.

Ved skiftet i 1836 blei garden med hus sett i 646 spd. Det var lausøyre for 70 spd og ikkje onnor gjeld enn noe til borna, ei dotter av 1. ekteskap og 2 søner og ei dotter av 2. ekteskap. Gunvor gav seg i follaug til sønene Peder og Henrik som fekk 3 ksk omfram og noe buskap og lausøyre for tilsaman 251 spd. Heile buskapen på garden var 3 kyr og 10 sauer. Peder og Henrik hadde garden saman frå 1836. Peder var ugift. Henrik vigde i 1840 med Johanne Nilsdtr Ringsdal og dei fekk 9 born. Henrik ende sine dagar i 1857. Johanne Nilsdotter sat så enke i uskift bu. Svogeren Peder Henriksen som åtte halve garden, gav i 1884 sin part til brorsønene Nils Christian og Henning Johan Henriksen for 400 kr. og føderåd. Peder døde elles same året.

Garden blir delt i 1885. Morholt søndre blir utlagd Lars Henriksens bu for 4000 kr. Lars var eldste son til Henrik Larsen. Enka hans Tomine Terkelsdtr fekk garden. Ho selde året etter til svogeren Henning Johan Henriksen. Han kjøpte og av broren Nils Christian hans part i Morholt nordre (bnr 2) for 2400 kr. året etter. Sidan har det vore same eigar for dei to bruksnr.

Lovise Henriksen, enke etter Henning Hen-

riksen, selde garden i 1910 til Ole Tellefsen Bjelland. I 1928 måtte han gå frå garden. Nils Gauslaa kjøpte då for 25 500 kr.

Me kan sette opp denne eigar og brukarrekke:

1700—1725	Hans Larsen
1725—1742	Signe Aanonsdtr
1742—1764	Lars Hansen
1764—1807	Henrik Ellingsen
1807—1836	Lars Henriksen
1836—1857	Peder og Henrik Larsen
1857—1884	Peder Larsen og Johanne Nilsdtr
1884—1886	Tomine Terkelsdtr, Nils og Henning Henriksen
1887—1899	Henning Johan Henriksen
1899—1910	Gunhild Lovise Gundlefsdtr
1910—1928	Ole Tellefsen Bjelland
1928—	Nils Gauslaa.

Bnr 1—2 har nå etter fråsal samla skyld mk 3.81. Garden har 60 dekar dyrka mark og 100 dekar skog. Sætehus i 2 høgder modernisert 1929.

Nils Gauslaa, som er son til skulestyrar, lektor N. Chr. Gauslaa i Lillesand, har i 2 periodar vore ordførar i Landvik.

#### UTSKILDE BRUK OG PARSELLAR

Bnr 4. Daniel Gundersens enke og Gustav Martini Gundersen selde i 1866 eit stykke av Morholtmonen til Mathias Gundersen for 150 spd. Blei utskild frå bnr 3 i 1865. Same år kjøpte han eit stykke av bnr 6 for 45 spd. Blei slått saman til eit bnr med ny skyld mk 0.35. Mathias Gundersen selde i 1890 til Salve Endresen Sanden for 1600 kr. Sætehus bygd 1900. Salve Endresens enke, Ragnhild, selde i 1919 til Knut Knutsen for 4000 kr. Snekker Hans Omland f i Fjotland 1895 kjøpte bruket i 1926 for 8000 kr. Bruket har 17 dekar dyrka mark. Har bruksnamnet Verås.

Morholtmonen bnr 7. Tor Terjesen<sup>10</sup> kjøpte i 1857 eit stykke av Morholtmonen som han

gav 100 spd for. Det blei utskild med 5 sk frå bnr 6 og 10 sk frå bnr 10. Aase Aanonsdtr, enka etter Tor, fekk uskiftebevilling i 1871 og selde så i 1873 til Even Johnsen for 245 spd. Even var i 1875 «saugmæster ved Damp-sag» (Rosesanden?). Han var f i Evje 1839 og gm Gjertru Aanonsdtr som var frå Herefoss. Dei hadde borna Aanon 66 (d 92), John 68, Gustav Sevrin 71, Inga Teresia 74, Emil Johan 77—82, Gunille Sofie 79, Jørgen 81, Josefine Emilie 84, Anna Kristine 87. Ho overtok eigedomen etter foreldra i 1923 for 3500 kr. Var gm Adolf Olsen som døde 1929. Bnr 7 har 15 dekar dyrka mark og noe utmark. Sætehus bygd 1879.

*Bnr 9* er gått ut frå bnr 8 og 10. Bent Johnsen kjøpte i 1840 jordstykket Tungen av Erik Torsen for 40 spd og i 1841 av broren Hans Johnsen eit stykke for 45 spd. Bent bygde her i 1850. I 1891 gjekk bruket til sonen Terje Bentsen for 2450 kr. Terje Bentsens enke selde i 1898 til Ole Larsen for 2600 kr. Sonen Karl Morholt f 1905, har bruket som er på 100 dekar og har 18 dekar dyrka mark. Nye uthus bygd 1940. Skyld mk 0.73.

*Morholtmonen bnr 11* gjekk ut frå bnr 10 i 1847, gl. skyld  $\frac{5}{7}$  ksk (20 sk). Ny skyld mk. 0.35. Terje Torsen fekk skj av broren Erik Torsen året etter for 40 spd. Terje Torsen overdro eigedomen i 1870 til sonen Nils Terjesen for follaugskontrakt. I 1917 skj han eigedomen over til Rasmus Østerhus for 2000 kr. Rasmus selde same året til Salve Larsen og Ole Grandalen for 5000 kr. Dei selde i 1919 til Tellef Aanonsen for 6700 kr. Oline Haglund kjøpte i 1925 for 11 000 kr. Sonen Erling Haglund fekk skj 1951 for 13 000 kr. på nærare fastsette vilkår. Bruket har 15 dekar dyrka mark. Sætehus bygd 1928, uthus 1922. Då Erling Haglund overtok, skilde han ut bnr 27 Furumo av skyld 6 øre som faren Hjalmar Haglund fekk for 400 kr.

*Bnr 12* blei utskild frå bnr 10 i 1864. Peder Madsen selde  $\frac{1}{4}$  ksk, ny skyld 13 øre, til svingerinna Hellene Eriksdtr og Gustav Nilsen for 95 spd. John Salvesen Lindefjeld fekk auk-sjonsskj i 1887 for 1200 kr. Asgjerd Sørensen fekk eigedomen i 1911 for same sumen. Det var enka etter John Salvesen som selde. Tønnes Kristensen Langemyr kjøpte i 1916 for 6000 kr. Han selde til Halvor Oland i 1918 for 8000 kr. Same året kjøpte Rasmus Stiansen for 11 000 kr. Så kjøpte Anton Johannesen i 1920 for 11 150 kr. Bnr 12 har 10 dekar dyrka mark.

*Madsmyr bnr 13.* Dette bruket blei utskild frå bnr 6 i 1887 med skyld mk 0.73. Sevrin Gundersen fekk skj i 1893 for 1800 kr. Ved sk etter Sevrin og Kristine Gundersen gjekk eigedomen i 1948 over til Magnus Larsen f 1900 i Landvik, for 15 500 kr. Madsmyr har nå skyld mk 0.57, har 11 dekar dyrka mark og 100 dekar skog. Sætehus bygd 1892, nytt fjøs og stall 1951.

*Morholtmonen bnr 15* er eit stykke som blei utskild frå bnr 1—2 i 1922. Nils Gauslaa har dette bnr som har skyld 6 øre.

*Myrvang bnr 16—17.* I 1934 blei det utskild eit stykke av Morholtmyra, bnr 16, av skyld mk 0.66 som eigarane av dei gamle bruk på Morholt selde til Josefine Gundersen for 3200 kr. Samtidig selde Anna Kristine Gundersen til same kjøper ein parsell av bnr 5 som fekk bnr 17 av skyld mk 0.71. Josefine Gundersen selde same året til Anton Grindevoll dei to bruksnr for 5000 kr. Anton Grindevoll<sup>11</sup> bygde her i 1935 og tok i veg med å rydde gard av utmarka. Garden fekk i 1943 bruksnamnet Myrvang. Arealet er 80 dekar og 50 dekar er dyrka. Etter fråsal har bnr 16 skyld mk 0.63, bnr 17 mk 0.59.

*Lundevoll bnr 18* av skyld 25 øre selde Nils Gauslaa (bnr 1) til Søren Haglund i 1943 for 850 kr. Frå bnr 3, Augusta N. Morholt, kjøpte

han same året bnr 19 Nyvold av sk 16 øre for 650 kr. Eignedomen har 6 dekar dyrka mark. Sætehus bygd 1949. Same år overtok mekaniker Harry Martiniussen for 20 000 kr. Bygde uthus 1952.

*Heimbo bnr 20* av sk 18 øre er gått ut frå bnr 8. Margrete Olsen kjøpte i 1943 av Nanna og Marie Hansen for 2000 kr. Parsellen er på 12 dekar, 4—5 dekar dyrka. Sætehus bygd 1948.

*Movang bnr 21* av sk 12 øre selde Anton Grindevoll frå bnr 17 i 1943 til Olav Andreasen for 1500 kr.

*Solheim bnr 21* kjøpte Osvald Larsen av Nils Gauslaa i 1946 for 1800 kr. Sk 6 øre. Er gått ut frå bnr 15.

*Rib-Ås bnr 23* av sk 5 øre utskild frå bnr 5 i 1947. Anna Gundersen Morholt gav skj til brordotter Borghild Hegdal. Verdien sett til 450 kr.

*Lundevold 2 bnr 25* er gått ut frå bnr 18. Karl Haglund fekk skj av Søren Haglund i 1948 for 100 kr. Hus bygd 1947. Karl Haglund selde til broren Olav Haglund i 1949 for 8500 kr.

*Fredly bnr 26* av sk 8 øre selde Magnus Larsen (bnr 13) til svigerson Alf Evenstad for 500 kr. Sætehus i 1½ høgd bygd 1950. Bankassistent Jonn Ove Gitlestad kjøpte i 1954 for 34 000 kr.

*Fjellstad bnr 28.* Harry Martiniussen (bnr 19) gav skj til Bjarne Nipe 1952 for 1000 kr.

*Nytun bnr 29* av sk 3 øre selde Anton Grindevoll i 1954 til Kåre Arnevik for 1200 kr. Gått ut frå bnr 16.

*Solhaug bnr 31* gjekk ut frå bnr 7 i 1956 då Anna Kristine Olsen gav skj til Rolf Stene Johansen for 2064 kr. Sk 4 øre.

*Furumo bnr 32* av sk 9 øre er gått ut frå bnr 3. Trygve Aas fekk skj av Augusta Nielsen Morholt i 1956 for 4000 kr.

### PLASSAR PÅ MORHOLT

Me har tidligare nemnt Christen Schomager på Morholt først på 1600-talet. Han var trulig husmann. Og i 1620-åra hadde me ein Rasmus på Morholt-eie (Morholt-plassen). Den neste husmannen me finn på Morholt, heitte au Rasmus — og han var skomakar og budde på Morholtmonen. At han var skomakar veit me fordi han i 1746 kom for retten og blei dømt for at han hadde sydd på ein helgedag. Han er nemnt Rasmus Hanssøn Constabel då han i 1737 vigde med Ranni Hansdtr Morholt, ei dotter av Hans Larsen. Dei må ha busett seg på Morholtmonen. Ei dotter Maren 1738, ein son Anders 44. Då er Rasmus nemnt Rasmus Andersen Morholtsmonen. Ei dotter Marthe 49. Rasmus blei i 1746 stemna for «ugudelighed og drukken-skab og sabbatsovertredelse». Det var eigentlig to saker. Vitne i den eine saka er Knud Sørensen, dreng hos degnen Jørgen Jørgensen Munch på Lia. Han skulle gå til Landvig for å ringe helga inn dagen før bededag (6. mai). Rasmus hadde då lagt på han ute på marka eit stykke frå huset sitt. Rasmus blei frikjend i denne saka.

I den andre saka vitnar Nils Hansøn at han skjærtorsdag kom inn til Rasmus. Då sat han og sydde på eit par sko til seg sjøl, men slutta straks vitnet var kome. Tellef Olsen, 25 år, hadde i 4 år vore i skomakarlarere hos Rasmus. Skjærtorsdag sende Rasmus han til kyrkje. Då han kom heim sat Rasmus og sydde . . . holt dog straks op, gik til bords og spiste og ei syde mer den dag. Det heiter vidare: Dagen efter som var langfredag om morgenen forføyede Rasmus Andersøn sig op paa bordet og satte sig til at sye paa skoe, da og vidnet fant sig beføiet til at gjøre det same som hans mæster, og da de havde syd en stund holdt de bøn og gik derefter videre til arbeide som de vedblev omtrent en halv times tid, og var det den dag ligeledes prædiken ved Landvig kirke.

Rasmus blir dømt etter forordninga av 1735 og må bote 24 skilling til Landvig Sogns skole-casse . . . og i mangel av formue til bødernes utredelse at lide paa kroppen efter forordningen. Han må dessutan betale 1½ rd i sakskostnad.

Rasmus må ha falle ut med jorddrotten sin, Thore Jonsen, for etter krav frå han blir Rasmus i 1751 dømt frå plassen. Husa kan han flytte, eller Thore kan få dei etter takst. Thore må au gje vederlag for påkostnad på jordvegen.

Den neste me finn på «Morholt-Eie» er ein Christen Jensen gm Anne Hansdtr. I 1764 har dei ei dotter, Else, til dåpen, ein son Jens 67 d.s.å., ei dotter Torbor

1770. Dei bur på Morholt i 1801, trulig på Morholtmonen. Christen Jensen døde i 1810 — 78 år gl.

Aslach Christophersen Morholts-eie og Ane Catrine Mortensdtr har i 1774 sonen Knud til dåpen. I 1780 ei dotter Susanne Kistine. Knud døde i 1801. I 1796 fester Aslak . . . en plads under denne gaard Morholtmyren kaldet mod aarlig afgift 2 rd og en gjædedag ugentlig. Plassen låg under alle bruk på Morholt. Aslak døde i 1823 — 75 år gl. Han er då nemnt Aslach Christophersen Morholtmon. Og det var nok der han budde. I alle fall var han der i 1792 då det er oppgeve at han sår  $\frac{1}{8}$  tn byg og avlar  $\frac{1}{2}$  tn, så det var nok ikkje rar plassen.

Nils Eriksen, ein bror til Tor Eriksen, festa eit stykke av Morholtmonen i 1804 av Tor Eriksen og Gunder Danielsen for 4 rd til året. Av broren festa han «et stykke jord Moule-myren kaldet» for 1 ort 12 sk. Nils døde som legdslem i 1857 — 81 år gl.

Susanne Kistine Aslaksdtr vigde i 1816 med Ole Olsen Veraas frå Vennesla. Ein son Ole Christian 1817. Susanne døde i 1832. Ole gifte seg oppatt med Christine Nilsdtr og er då nemnt Ole Olsen Morholtmoen. Ein son Nicolai f 1839 flytta til Grimstad 1867. Ole døde i 1860 — 78 år gl.

Ved sk etter Kistine Aslaksdtr i 1832 hadde dei lausøyre for vel 8 spd. Husa blei sett i 11 spd. Buskapen var ei  $1\frac{1}{2}$  års kvie som blei taksert i  $4\frac{1}{2}$  spd.

Sevrin Terjesen av den gamle ætta på Morholt var visstnok den siste husmannen på Morholtmonen. Han døde i 1873 —  $34\frac{1}{2}$  år gl.

I 1811 festa John Hansen til Mikkel Sørensen plassen Arvesmyra for 5 rd til året. Noe meir om denne plassen har eg ikkje funne.

#### MERKNADER

1. Sjå art. om Storslekten på Bringsvær. Agder Hist.l. årsskrift 1957.
2. « Nærebø-ætta.
3. « Inntjore-ætta II.
4. « Dolholt-ætta.
5. « Gauslaa-ætta.
6. « Skiftenes-ætta I.
7. « Koveland-ætta.
8. « Morholt-ætta.
9. « Birkenes-ætta.
10. « Nærebø-ætta.
11. « Grinnevoll-ætta.

\*

Nils Gauslaa seier det nok ikkje er rett med den «hjelpelige sandjord» på Morholt. Kjem ein ned ein fot, er det leire under.

## AASEN

Gnr 16

Denne garden var plass under Landvik. Her var 2 plassar, Østeraasen og Vesteraasen, begge omlag like store. På 1800-talet blei plassane fråseld frå Landvik, og i matr 1889 blei Aasen eige gardsnr.

Det er helst trulig at det var to plassar alt på 1600-talet, men det er Østeraasen som er mest nemnt, første gong i 1692 då Leulf i Østeraasen har ein son Søren til dåpen, i 1696 sonen Anders. I 1697 har Nils Sørensen Østeraasen sonen Nils til dåpen. Nils Sørensen er der i 1701, er 40 år og har sønene Søren 10 (d 03), Nils 4 år. Ei dotter Inger 1701. I 1704 Søren. Det er siste gong Nils Sørensen er nemnt der. Flytta sidan til Sandkleiva.

Vesteraasen er helst bare nemnt Aasen, men det ser ikkje ut til at det var folk der i 1701. I 1711 er Tarald på Østeraasen, Olle på Aasen.

### *Østeraasen (bnr 1).*

Den første brukar me veit om på Aasen er Thorald i Aasen som er nemnt i kopskatten 1645. Og det ligg då nære å tru at han er farfar til Tarald som er på Aasen i 1711. Torald Østeraasen døde i 1735 — 63 år gl. Farsnamnet kjenner me ikkje, men han er kanskje son til Børe i Aasen som er nemnt i åra 1668 —85. Torald Østeraasen var sikkert nok gm

Maren Svendsdtr som døde i 1754 — 77½ år gl.

Same året som Torald døde, vigjer Svend Taraldsen Aasen med Gunnild Andersdtr Ronnen. Og dei overtar nok då på Østeraasen. Etter at Svend var død i 1777, var det sonen Knud Svendsen som var brukar. Han døde i 1824. Og han blei siste mannen av ætta på Østeraasen.<sup>1</sup> Han hadde ein son, Svend Knudsen, men han gifte seg til gard på Molland.

Knud var 2. gong gm Helje Gundersdtr Hareberg. Så kjøper Jørgen Olsen plassen. Han var flytta til Landvik frå Mykland i 1824 og var leiglending, trulig på Aasen som han fekk kjøp på av Ole Knudsen Vatnestrøms dødsbu i 1834 for 513 spd 40 sk. Men kjøpet var avgjort før, det ser me av sk etter Ole Knudsen i 1833. Bruket var seld med ⅔ til Johannes Larsen Einertrø og ⅓ til Jørgen Olsen, som fekk utlagd Aasen for sin part, 4 ksk.

Jørgen Olsen sat med garden til 1865 då sonen Ole Christian overtok for 750 spd. Matr.komm. 1867 fører opp at bruket kan fø 2 kyr og har 20 mål dyrka mark og 2 mål dyrkingsjord. Garden er lettbrukt, men har ikkje heilt nok med skog til husbruk. Avlinga blir sett til 11 tn korn og 28 tn poteter. I 1792: Saar aarlig 3 tn byg, avler 18. I 1875



hadde Kristian Jørgensen 2 kyr, sådde  $2\frac{1}{4}$  tn korn og sette 3 tn poteter.

Kristian Jørgensen, som i 1875 er gardbrukar og hustømmermann, døde i 1898. Året før hadde han skj garden over til sonen Johan Andreas Kristiansen (f 1846) for 4868 kr. og føderåd.<sup>2</sup>

Då Johan Kristiansen døde, kom bruket på handel. Dødsbuet hans selde i 1912 til Bendiks Thompson for 6500 kr. Simon Larsen Hortemo kjøpte i 1913 for 9500 kr. Han selde i 1915 til Kolbein Jakobsen for 13 000 kr. Då M. G. Myhren og Lars Myhren kjøpte i 1918 kom prisen opp i 23 000 kr. Dei selde i 1920 til Knud Berge Abrahamsen for 24 000 kr. Nils Andersen overtok i 1925 for 22 000 kr. I 1949 er som heimelshavar ført opp Olaf Kristiansen Myhren som arving etter Nils Andersen Aasen. Han skilde i 1950 frå bnr 4 Myråsen av skyld 30 øre som han i 1955 selde til Andreas og Eyvind Havstad for 5000 kr. Hovedbruket, bnr 1, selde han i 1950 til Aage Igland for 22 000 kr.

Bnr 1 har nå skyld mk 2.22, og har 20 dekar dyrka mark. Sætehus i  $1\frac{1}{2}$  høg. Nytt uthus bygd 1925. Aage Igland er son til Nils P. Igland.<sup>3</sup>

#### *Vesteråsen (bnr 2).*

Denne plassen er helst nemnt Aasen. Torbjørn Olsen Underaasen budde kanskje her. Han er nemnt i 1685. I 1691 Olle Torbjørnsen Aasen, trulig den same som er på Aasen i 1711. I 1692 har Aadne Smid i Aasen ei dotter Ragnild til dåpen. I 1695 gravlagd Aadne Smids i Aasens kone Ranild 31 år, item et hendød drengbarn. I 1707—09 Aage Aasen, ein son Gunder 09.

«Olle» er som nemnt på Aasen 1711, fem personar. I 1730 dør Astri Olsdtr Aasen 57 år og Taran Aasen, i 1734 Thore Olsøn Aasen 82 år.

Kirsten Thorisdtr Aasen vigde i 1737 med Ole Terchelsen. Dei fekk ei dotter året etter. Kirsten døde 1757. Astri var død før mora, trulig 39—40 då me ikkje har kb.

Ved sk same året får me greie på søskena. Det var Jens Thorsen på pl. Amager i Strandfjorden, Ole som var i Grømstad og Gunder på Støle.<sup>4</sup> Vidare ei søster Elen som var på Aasen. Ingeborg Toresdtr som d i 1744 var trulig søstera, men ho er nemnt Ingeborg Thoredsdtr Østeraasen. Det var ikkje mykje dei hadde på Aasen, lausøyre for 21 rd. Christen Ellefsen Aagre fekk 8 rd for utlegg til gravferda. Og Ole fekk som «vederlaug» for denne 5 rd. Skiftekostnaden blei heile 5 rd og skrivaren tok einaste kua (4 rd) og ein vevgang. Utanom kua hadde dei 2 faar creature andsat for 0-2-12.

Ole Terkelsen vigde oppatt same året med Gunild Christoffersdtr Hørte. Han døde i 1783 — 71 år gl. Sonen Christoffer f 1759 overtok. Han var 2. gong gm Ingebor Stenersdtr Østerhus. Sønene deira, Terkel og Rasmus, blei ikkje på Aasen. Terkel kom til Molland, Rasmus til Østerhus.<sup>5</sup> Christoffer d i 1847 — 88 år gl. Christoffer var 1. gong gm Ragnhild Danielsdtr Hørte. Dei hadde ein son Ole som var på Aasen i 1801, men han høyrer me ikkje meir om. Ved sk etter Ragnhild i 1789 var det på Aasen «et 6 laftet stuehus med bordklædning og tegl taage» verdsett for 20 rd. Lausøyre for vel 20 rd. Skrivaren får for sitt m. a. utlagd ein jernkakilomn for 3 rd. Christoffer sådde  $1\frac{1}{2}$  tn bygg og avla 10 i 1792.

Me veit ikkje hvem som brukte Aasen etter Christoffer. Plassen høyrde under bnr 4 nå, Statens forsøksgard som den gongen var på 2 huder. I 1862 blei Aasen fråskild med skyld  $2\frac{43}{48}$  ksk. Han som overtok heitte Henrik Lasesen og var f i Vik i Sogn 1821. Han var gm Olene Andersdtr f 1824 i Landvik. Ei dotter Katrine f 1862. Først i 1865 er han på Aasen

der sonen Lasse kom same året. Henrik er i 1875 oppført som gaardbruger og lastekjører. Han hadde då hest, 1 ku og 1 ungdyr, sådde noe korn og sette 4 tn poteter. I 1867 er det oppført at bruket kan fø 3 kyr og avle  $8\frac{3}{4}$  tn korn og 20 tn poteter. Bruket har 18 dekar dyrka jord . . . . god paa leer . . . . og av naturlig eng 2 maal dybe daler, men blir karakterisert som tungbrukt og har ikkje nok skog til husbruk.

Først i 1894 får Henrik Lassesen skj på eide-  
domen av Jakob Davidsen Landvig for 4000 kr. Henrik døde i 1897. Bruket gjekk over til sonen Lasse (Lars) i 1899 for 6700 kr. I 1918 selde han til Ole Thorstensen Bratøren for 34 000 kr. I 1935 skj enka Marte Torstensen Brattøya garden over til sonen Torvald Brattøya for 9600 kr. Han er f i Aamli 1902.

Bnr 2 av skyld mk 2.13 har 32 dekar dyrka mark og før 3 kyr og hest. Det høyrer til 200 dekar produktiv skog. Sætehus i 1 høg, modernisert 1936, ombygd 1943. Verkstad, hønsehus og grisehus nybygd 1944, eldre uthus.

#### *Trollquinden Karen i Aaessen.*

I futerekneskapen for Nedenes 1617 er nemnt trollquinden Lang-Anne som blei innsett på Nedenes gard 19. desember 1616 og avliva 10. februar 1617. Det er

ikkje nemnt hvor ho var frå. Men deretter kjem det:

Udi lige maade giffuet for en anden trollquinde ved nafn Karen i Aaessen udi Landuigssogen hindes kost, som herpaa gaarden blef ochsaa indsadt, den 17 januarii 1617 for troldom, och hafde hun indted videre, end huis godfolk gaffue hinde til underholdning, Blef hun brendt den 17 februarii. Der i mellem er 4 uger och 3 dage, om ugen for hindes kost 3 ort, er pendinge — 3 dl 1 ort  $5\frac{1}{2}$  sk.

Ein måned etter var det ei som heitte Dorrete Frisøen som laut late livet. Ho blei «indsat» 15. februar og avliva 24. same måned. Skarprettaren fekk 5 dalar for hver av dei tri han hadde brent.

Me ser at det var kort og sumarisk rettergang. Heksebåla loga over Nedenes. Og ei av dei som laut ganga den tunge vegen til bålet var frå Aasen og var den første me kjenner av namn frå denne plassen.

#### MERKNADER

1. Sjå Østeraasen-ætta.
2. « Aasen-ætta II.
3. « Iglan-ætta.
4. Gunder Thorsen var gm Karen Romundsdotter Støle. Ei dotter Guri f 1748 g 69 med Ole Andersen Birkedal. Til Støle. Astri f 1755 g 83 med Torgrim Tellefsen Alsand. Jens Thorsen i Strandfjorden var gift, men hadde ikkje born. Ætta kan me såleis ikkje føre vidare i mannsline. Om Ole som kom til Grømstad, veit me ikkje noe.
5. Sjå Aasen-ætta.

## HOMMEDAL

Gnr 17

Det er snart seks hundre år sidan første presten i Landvik er nemnt — sira Aasulv Gunnarson i 1376. Gjennom dei mange år som er gått sidan den tid, må me gå ut frå at prestane har sete på Hommedal, garden som har gitt prestegjeldet namn.

På 1300-talet er det bare det eine namnet me kjenner. Og på 1400-talet har me au bare eit namn, Lavrids Arildson i 1470—80 åra. Frå han er det eit langt sprang i tid fram til Oluf Kjeldsen, den første protestantiske presten som me kjenner namnet på og som døde i 1561. Men gjennom dei 400 år som er gått sidan den tid, kjenner me alle prestane til Hommedal, dei fleste også brukarar av garden Hommedal som var på 3 huder gamalt skyld. Noe er blitt fråseld, i seinare tid, men ennå er Hommedal i skyld den største gard i Landvik. Matr.-kom. 1867 fører opp at Hommedal har 150 mål dyrka mark, størstedelen god jord paa leerbund, 6 mål naturleg eng. Og jord «skikket til opdyrking»: 75 maal, . . . . dels ved Dyrkning af Husmænd, heiter det. Sjølve garden kan fø 11 kyr og 2 hestar. Går me tilbake til matr 1668 er det ført opp at garden kan fø 2 hestar, 18 naut og 24 smaler og utsåden er 6 tn. I 1723 er dette auka til 14 tn og garden kan fø 2 hestar, 18 naut, 16 sauer og 24 geiter. I 1792 sår Henning Junghans Bugge ½ tn rug, avling

1½ tn, 10 tn bygg (45), 1 tn havre (5) og 1 tn poteter, desse bare med avling 2½ tn. I 1867 blir utsåden sett til 2 tn kveite med avling 12 tn, 1½ tn rug (12), 6 tn havre (30) og 6 tn poteter med avling 42 tn. Dyrka areal som nå høyrer under gnr 17 Hommedal er 325 dekar.

Det var stort hushald og stort tenarskap dei hadde dei gamle prestane på Hommedal. I 1792 har Bugge 2 tenestdrenger, 6 tenestgjenter og 2 «husjomfruer». I 1801 har han 4 drenger, men den yngste er rettnok bare 10 år, men så greier han seg med fire tenestgjenter. Dei er i alderen 25—64 år. I 1743 hadde Hans Speilberg 3 drenger og 2 «piger». Han hadde ei eige på 110 rd og måtte det året betale 12 rd i kopp-skatt og 5 dalar for tenestfolka. Han fekk også «carosseskatt» for 1 Carriol 10 rd. Så dei hadde luksusskatt på køyregreier den tid au. Han kunne ikkje bruke denne køyregreie på embetsreisene sine, men kunne vel skumpe seg ned til Grømstad på det vis det var.

### «BRUKARANE»

For Hommedal kan me sette opp denne «brukarrekke» gjennom 600 år:<sup>1</sup>

1376	Aasulv Gunnarson
— — —	
1471—1486	Lavrids Arildson



Hommedal prestegard.

1566 Oluf Kjeldsen  
 1566—1596 Povel Kristensen  
 1596—1613 Claus Mortensen  
 1613—1655 Hans Søffrensen Kjerteminde  
 1655—1683 Heche Pedersøn  
 1683—1699 Laurits Pedersen Klim  
 1699—1717 Friedrich Munch  
 1717—1740 Anders Meldahl  
 1740—1764 Hans Nielsen Speilberg  
 1764—1773 Hans Holm  
 1773—1789 Jonas Zimmermann  
 1789—1818 Henning Junghans Bugge  
 1819—1824 Jørgen Andreas Halmsted  
 1824—1855 Claudius Martini  
 1856—1871 Christian Sevrin Flinthoug Hauge  
 1871—1892 Oluf Martin Salvesen  
 1892—1893 Edvard Martin Bjørnstad  
 1893—1896 Ivar Høyem  
 1896—1915 Christian Bendix Jacobsen  
 1915—1922 Oskar Garmann Nagelstad

1922—1936 Paul Emil Rynning  
 1936— Olav Stange.

I 1631 har Hans Søffrensen Kjerteminde sett opp ei liste over dei innkomer han kan gjere rekning med. Tienden i Landvik og Eide gir minst 16 tn, mest 24 tn. I Herefoss betalte dei tiend i smør etter gamalt. Landskyld har presten frå desse gardane: Dolholt, Havstad, Nærebø, Fillingtveit, 1 bukseskinn frå hver, Hundland 1 geitskinn. Korn: Neder Tjore 6 notting, Midt-Tjore 8, Øvre Tjore 3, Inntjore 6. I Hombornes (Eide) er det ei rekke gardar som betalar landskyld, likeins noen i Herefoss. Han gjev opp at Hommedal kan fø 2 hestar og 24 naut. Av «inventar» er det bare ein gamal hest og 4 kyr og to årsgamle svin m. v.

*Det står kleint til med husa på Hommedal.*

Då Anders Meldahl kom til Hommedal i 1717, fann han nok gard og hus i mindre god stand. Han kravde så synsforretning ved «memorial» 28. mai 1718. Fut, skrivar og lagrettemenn kjem til Hommedal 19. oktober, men dei må vende heimatt, då det syner seg at arvingane etter førre presten Friedrich Munch ikkje er stemna. Det var elles møtt representantar for bøndene både i Eide og Landvik og procurator Hans Lauritsen Heier som førde saka for presten ville ha saka fremja. Men Hans Larsen Morholt som møtte som lagrettemann, gjorde seg til talsmann for bøndene. Dei var nok redd for storkostnad nå ser det ut til. Det heiter i referatet:

... Mens førend med dette begyndtes tilspurte Hans Larsen de tilstedeværende og forhen navngitte sognebønder om det udi deres tid har været brugeligt eller sædvanligt, at sognebønderne skulde opbygge og vedligeholde de 3de værelser som udi lovens 2den bogs 12 capt: 4 art: spesifiseres, eller om de forrige prester det selv haver opbygget og vedligeholdt. Hvortil fornevnte tilstedeværende sognemænd svarede at i den tid de kan mindes har ikke sognene gjort nogen reparation paa denne prestegaard, saasom det ikke haver været brugeligt, men av presten selv bekostet, — hvorefter Hans Larsen lod indføre at efterdi han forstaaer det ikke har vaaret brug og sædvane, at sognernes almue presteboligen haver vedligeholdt, saa følger av sig selv at itzige sogneprest Hr. Anders Meldahl av hans formands sterfboe bør nyde opretning og aabod efter rettens skion ... efterdi prestegaardens bygninger av ælde og uagtsomhed ganske ilde conditioneret og forfalden, som ved denne forehavende forretning forfares kan.

Det er etter dette at retten spør om «hans Erværdighed Hr. Anders Meldahl» har varsla arvingane etter presten Munch. Retten godtar ikkje ei orsaking om at dei ikkje visste hvem som representerte arvingane, og så blir saka utsett. På neste rettsmøte på Hommedal møter skrivaren i Robyggelaget Lyth Mathisen Ørum på vegne av arvingane, som «nærmeste frende». Vidare møter «til at bivaane denne anordnede og forhen ommeldte besigtigelse forretning over Hommedals Prestegaards brøstfældighed» m. a. prosten Dyrhus og presten i Øyestad Antoni Kærulf. Heile første dagen går med til dokumentasjon. Neste dagen, 29. november, er det så synfaring. Me skal taka med eit utdrag som syner hossen det den tid var bygd på prestegarden som heldt på å rotne ned.

Det heiter ... at stuehuset, som allene bestaar av en daglig stue med skorsten udi, samt en liden avdelt kaave, hvor oven over et 2de cammere med loft paa samt svaller paa vestre og nordre sider, alt under jord- og nævertag, er saa fordervet, at lafterne derudi formedelst vanddraab, baade oven og nedent er forraadnet, svillerne under huset nesten bort mulned, vægstokkerne, særdeles nestunder vinduerne bortraadnede, samt taget saa aaben og avsegen at det ikke kan holde huset draabefri. Saa at bemeldte hus, som ellers ved begge øster og vestre lofterne meget er nedsegne i den sum-pige jord, aldeles ikke kan eragtes at blive hiulpen ved opveigning og deslige reparationer at det til nogen standhaftig og fornøden brug og beboelse for sognepresten Hr. Anders Meldahl eller hans efterkommere kunne forblive ... det dernest optil østre side bestaaende og i stuehusveggen optimrede senge kammer og køken, hvorunder kielderen monne vere, med teiltag paa, det findes og formedelst draab og vands tilløb saaledes fordervet og forraadnet at det med 2de støtter maa opholdes, og befrøgtelig det skal nedfalde over folkene som gaar deri. Det i nedre ende av ermeldte stuehus verende bryggerhus med teiltag paa, findes i lige maade saa aldellis fordervet at det til fornøden brug er uduelig og ikke kan opreises eller repareres, formedelst lafterne derpaa det ikke kan taale eller tilstede. Ligeledes haver det sig med den drenge-stue med madloft over, som under jordtag tvers over stuen i gaarden er bestaaende, saa den ei heller kan vere tienlig til saadant fornødent brug som den er indrettet til.

Retten kjem til at det ikkje er anna å gjere enn å rive alt ihop. Og så blir då «almuen» spurt om dei ville ta på seg å bygge opp prestegarden.

... hvortil de svarede at efterdi det ikke kan udfindes eller bevises at sognefolkene nogensinde prestegaarden haver ladet opbygge, eller vere anmodet, saa lenge de kan mindes, den paa deres bekostning at lade reparere, men den ene prest efter den anden sig av des bygninger efter eget behag haver benøttet og betient, ja og avg. Hr. Friederich Munch, som rettens middel nu haver seet, haver ladet bygningerne formedelst uagtsomhed ved vand og draab saaledes forraadne og forderve, at de nu til beboelse og brug er befunden utienlige, — altsaa var deres mening og paastand, at ikke almuen men bemeldte Hr. Friedrich Munchs arvinger til al den aabud som prestegaardens bygninger udkrever, burde vere og forblive ansvarlig eller og

bringe prestegaardens bygninger i fuldkommen stand igjen for eftermanden.

Saka held fram neste dag. Lyth Ørum held fram at Friedrich Munch har bygd det «studercammer» som står på prestegarden. Til det svarar prosessfullmekten for Meldahl at det ikkje er tilfelle. Munch har bare flytta det.

Etter noe meir dokumentasjon, heiter det:

Hvorpaa Rettens midel haver gjort overslaug og taxation hvor meget et saadant waanhus med en storstue, et sengecammer, et køkken, samt et sidecammer udi, med sine fornødne overværelses klædning og svaler omkring, udi lengden 14 alner og i bredden 18 alner ligesom de her bestaaende gl. hus er, av nye at opbygge vil komme at koste . . . og efter nøieste skjønsomhed er da derom udfunden . . . da vil til resten paa dito hus og verellers bygningsmaterialier med des kiørsel og arbejdsløn i det aller minste medgaa 350 rd. og naar samme besagte bygning saaledes av nye vorder opsat i medbørlig stand, kan den som et hus der i loven kaldes et herre cammer passere.

Etter lova skal det og vere «en borgerstue». Nå er det bare «en gammel og forraadnet drengestue med cammer over og jordtag . . . aldeles uduelig til brug, heiter det. Istaden er der «et saakaldet studercammer som fandtes udi temmelig god tilstand, hvorudi er en underverelse med skorsten, og et cammer ovenpaa, alt med godt teiltag, og med bordklædning og svaler forsynet. Da forbliver samme hus heretter til en borgerstue», men det må nytt golv og det vil koste 4½ rd.

Om uthusa heiter det at stallen som har 6 «spiltou» er bygd op i enden av «løehuset».

. . . og ikkun haver 2de laft, er og i sig selv til dels i moratzen nedsunken, gulv og tillige forraadnet, jordtaget derpaa utæt og fordervet, saa det som udyktig erkiendes. Hvorfor en anden stald av nye bør bekostes og opbygges og med teiltag belegges, efterdi nevertag fast ikke her er fangelig, og ellers vilde koste omtrent lige meget.

Dei reknar med at stallen vil koste 40 rd, gjerde kring hagen 45 rd. Samla åbot kjem då opp i 439½ rd.

Om dei andre hus på garden og som lova pålegg prestane å halde vedlike, heiter det at «brøgerhuset» er «aldeles utienlig». Nytt vil kome på 60 rd. «Løehuset» er ca. 33 alen langt og 11 alen breidt. Her er det 2 løer og låver . . . samt 2de tilbygde rom at kaste halm udi. Også løebygningen er «nedsunken i moratzen». Nytt hus vil koste 98 rd. «Fæhuset og fænehuset med overværende træv» har jordtåke, er 26 alen langt og 8½ alen breidt. Det må også nytt — 90 rd. Ved austenden av fehuset har Munch sett eit lite hus som han har nytta til «at indkaste gaardsredskaber udi». Det kan ikke reknas mellom «fornødentlige udhuse». Dette kan arvingane flytte, heiter det.

Når det gjeld badstova, er den «i begge brøstene udfalden samt i grunden nedsegen». Toka må av og huset reisast oppatt. Kostnad 8 rd.

Om skogen heiter det at den lenge har vore i så «ringe tilstand» at det ikkje er nok til husbruk, ja prestane har lote kjøpe den største del av deira «illingsved» . . . saa derav følger at ei nogen skauhugst til uplikt derudi kan vere begaaet, heiter det.

Dei kjem til at heile åbota for uthus blir 256 rd. Å betale dette ligg til arvingane etter Munch. Når det gjeld åbota for «waanhuset», stallen og «haugen» er saka om hvem som skal betale ikkje stemna til doms, men enten må «almuen» eller Munchs arvingar betale. . . . da bliver denne post hannem reserveret enten til lovlig stevnemaal til doms erhvervelse derover, eller og at søge Høiøvrigheds resolution hvem besagte 493 rd aabod hannem med rette bør tilsvare. Og dermed ender denne saka. Hossen det vidare gjekk, er ikkje funne. Men det er sikkert nok at det måtte byggast nytt og at dei hus som då blei bygd stod til den nye prestegarden, den som me kjenner i dag, blei reist i 1825.

*Speilberg held garden vedlike.*

Då Hans Speilberg i 1764 blir prest i Øyestad og prost, krev ettermannen på Hommedal, Hans Holm, synsforretning.

... uagted han kiendelig kan se hans antecessor hr. proust Speilberg i adskillig maader har forbædret præstegaardens bygninger maa han nu ved sin tiltrædelse udi dens tilstand finde saadane mangler som han seer vil behøve hastig og bekostelig reparation, heiter det.

Speilberg sa at då han tok mot embetet i 1740, kravde han ikkje åbot

... uagted hvad mangler derpaa kunde findes. Han har halde husa vedlike. Og i 1760—61 hadde han ... forsynet waahnuserne med ny klædning, vinduer og mahling, bygget nyt vedskiul, indhegnet haugen med nyt mahlet plankeverk, samt ladet udhuserne klæde og forbedre med anden anseelig bekostning, hvorudi almuen ikke har kommet ham med minste til hielp, undtagen i aaret 1760 ... da endel av dem som frivillig gave efter hans anmodning skudt sammen som han har modtaget nemb. av Landvig sogn 42-1-6, av Eide 27-1-16 og av Heirefos sogn 20-1-8, tils. 90 rd 1 ort 6 sk, heiter det.

Men vølinga hadde kosta minst 200 rd av egne pengar. Slik så husa ut for 200 år sidan:

Ein to-høgda bygning med ny klædning og nye vindaug. Raudmåla med kvite lister. Gate-dør i midten. I forstova oppgang til «de øvre værelser» og kjellarnedgang (2 lemmer). På austsida av forstova ei daglegstove «rødmalet med 2 fag vinduer samt 3 dører, Innafor stova er det eit «sengekammer». Det er panelt, men utan måling, med eit fag vindaug ... og et andet lidet vindue paa væggen med udsigt til kjøkenet. I austenden av sengekammeret er ein «alcove», bygd av tømmer og panelt, med eit lite vindaug. Speilberg seier at han har kosta denne alkoven så den er hans private eigedom.

Frå stova er det inngang til kjøkkenet som har skorstein og 2 fag vindaug. Her er fleire skap, ein slagbenk og ein vaskebenk. Det er og eit avdelt spiskammers med vindaug. Her er og nedgang til kjellaren som er av dobbelt steinmur og avdelt i to rom. Alt er i god stand.

Det einaste er kjøkengolv et som er noe «for-slitt» ... men dog i nogen tid kan være brugelig og godt. Frå kjøkenet går det ei dør ut til ei svalgang som Speilberg har bygd opp i flukt med «alcoven». Frå svala er det utgang til garden og til hagen. Storstova er på vestsida av forstova, med 6 fag vindaugo. På baksida av storstova er det to rom.

I andre høgda er det ein stor stal, og fleire mindre rom. Heile bygningen er på god steinmur, har tegltoke og nye lister og vindskeier.

I hagen er det eit stolphus i to høgder. Dette hadde Speilberg sett opp og han gjorde krav på å eiga det. I nordkanten av hagen eit bryggerhus med bakaromn og skorstein, bygd av tømmer, med tegltoke og «laasfærdige» halvdører. I line med bryggerhuset eit vognskjul av bindingsverk, vedskjol i eine enden. I enden av denne bygning eit lite «gaasehus» med halvtokke. Midt for sætehuset på nordsida av gardsplassen ligg så uthusa med lør og «fæhuse». På vestsida av gardsplassen stall med plass til 4 hestar. Og i sørenden av denne bygningen eit «faarehus» med avdelt rom til høns. Aldeles forfalden, heiter det. Vidare: Fra denne bygning plankeverk til gaardens indhegning med hovedbygningen, samt port derpaa til indkiørsel i gaarden.

Nordanfor lør eit sommerfjøs (eller «qvie»). Austanfor vedskjolet badstove, einaste bygning som har jordtoke. Badstova har «en god tørkeovn samt 4 benker udi». Vidare lå det ved «skouggerdet» eit nytt tømra somarfjøs.

*«Inventar» til prestegarden.*

Det heiter til slutt at som inventar skal Speilberg avlevere: 1 gl hest (6 rd), 4 kyr, 1 kjele 6 rd, 2 aarsgl svin, 1 gl tæpen med 2 lapper paa (!), 4 træfader, 6 træ-tallerkener ... som er det han ved sin tiltrædelse har modtaget.

Akkurat det same inventar nemner Hans Søffrensen Kjerterminde i 1631. Til og med det gamle «tæpen» med dei 2 lappane!

*Ny åbotsak.*

Etter krav frå den nye presten hr. Bugge er retten på synfaring på «Hummedahls præstegaard» 8. juli 1790 til «bestemmelse av aabod og hvem den tilkommer at udrede». Då avlidne sokneprest Zimmermann overtok var det ei liknande synsforretning i 1773. Då blei åbota sett til 200 rd. Men etter ei «beregning» som Zimmermann hadde gjort hadde han kosta på 285 rd 8 sk. Men det tykkjest ikke å ha vore nok til å halde garden ved like, for retten kjem til at det trengst ein samla påkostnad til 514 rd 12 sk. Det må nye sviller (4 sviller a 36 fot) som vil koste 12 rd, ny bordklædning 550 bord 55 rd, 6000 dobbelte nagler 22½ rd. I arbeidsløn til sætehuset vil det gå med 180 rd. Ny maling 66 rd. Også på uthusa må det gjerast mykje, m. a. må toka av på 2 lør og 1 låve.

Av «almuen» i Landvik er desse tilstades: Anders Andersen Kiland, Aasul Kittelsen Iglan, Tallak Hansen Birkedal, Sven Nilsen Sollie, Lars Engelsen Skiftenes, Gunder Aanonsen Torp, Ole Knudsen Midtstu, Øven Johansen Lunden, Ellef Øvensen Lunden, Thore Aanonsen Nærebø, Terkel Romundsen Hafstad, Gunder Gundersen Watnestrand, Jon Nilsen Dolholt, Jens Christensen Hesthaven, Thore Olsen Indtjore, Aanon Aanonsen Thiore og Jørgen Munch . . . samt sr. Thomas Fasting. Dei seier at dei ikkje kan «undergaa» å betale den åbot som er sett, men dei seier seg viljug til — utan fylgjer for framtida! — å betale 3 ort 1 sk av hver hud til presten Bugge, men for framtida bare det lova kan pålegge dei.

Bugge seier at han ikkje kan godtake dette tilbodet medmindre almuen vil halde han og i tilfelle enka hans fri for alt ansvar for åbot. Saka blir utsett til eit seinare møte. Då kjem retten med den orskurd at almuen i prestegjeldet skal betale etter tilbodet som Bugge har godtatt, 200 rd (263 huder 9 ksk). Presten

får rett til å drive det tømmer som trengst (for 168 rd) om skogen kan tole det. Retten seier elles at det er heilt uråd å fastsette etter gl lov kva det er almuen skal betale og kva presten skal koste sjøl. I buet etter Zimmermann er det ikkje noe til åbot.

*Åbotsak i 1819.*

Sokneprest Bugges ettermann Andreas Halmstæd hadde kravd åbotsak. Retten blir sett på Hommedal 30. august 1819 med lagrettemenn frå Fjære. På vegne av buet etter Bugge møtte kjøpmann og dannebrogsmann Johan Peter Bie og kjøpmann Nicolai Thue.<sup>2</sup> Dei viste til tidligere åbotsforretningar og heldt fram at det var almuen aleine som hadde vedlikehaldet av prestegarden. Sokneprest Bugge blei ikkje tilkjend meir enn 200 rd . . . som han ikke engang fik, seier dei. Han hadde kosta på for mykje meir. Stolphuset høyrde Bugge til . . . saavel som den ved hovedbygningen tilføiede alcove. Men denne gjorde dei ikkje krav på.

Det møtte også nå mange av bøndene i Landvik. Frå Eide kom bare Peder Nørholmen, ingen frå Herefoss.

Det er fleire ting som må gjerast. Sætehuset treng maling. Det var 28 år sidan sist. Dei reknar med at malinga ville koste 74 spd, men i arbeidsløn bare 6 spd.

Mest må det gjerast med uthusa. Det heiter m. a.: Løe og ladebygning 60 fod under fælles tag med koestalden er synket i jorden og maa adskilles fra koestalden og flyttes til et bekvemmere sted. Det blir sagt hossen arbeidet må gjerast og det blir sett opp kostnadsoverslag.

Den samla kostnad blir 351 spd 68 sk, men det blir ikkje sagt noe om hvem som skal betale dette. Og det blir visst den siste åbotsak på Hommedal. Då Claudius Martini overtar embetet i 1824, får han sett gjennom at det skal byggast ny prestegard. Og nybygget kjem



alt året etter, som tidligere nemnt.<sup>3</sup> Bygningen som er tohøgda og på 120 kvm grunnflate, blei modernisert i 1928. Nye uthus kom i 1898. Når forpaktarbustaden blei bygd, er ikkje opplyst.

Martini var son til ein jakteskipper i Bergen. Han kom til Hommedal i 50 års alderen og var ein mann med praktisk sans også for jordbruket. Ein av sønene sende han på jordbruksskole og då han kom heim dyrka han opp bakkane mot sør. Og Martini sjøl tok lesarborna med seg ut or storstova på Hommedal og synte dei kor store aks det grodde på åkrane hans, fortel Kr. Stalleland. Elles er det lite som er fortald om prestane som gardbrukarar.

#### HUSMANNSPASSAR

Frå gammalt var det tri plassar til Hommedal. I 1723: Rasmus Levorsen sår 1 tn, Juer Mad-sen 1 tn, Knud Siwersen 1 tn.

Den plassen me kjenner best er

*Prestdalen,*

der det av gammalt visstnok var 2 plassar. Og den første me høyrer om der er Jacob Prest-dal i åra 1620—23. Men fram gjennom dette hundreåret kjenner me ikkje namn på husmenn i Prestdalen før 1693 då ein Simon Svendsen Præstdahl vigjer med Targier Lauritsdtr Lintveit. Dei flytta visst frå. I 1695 blir Jacob Carlssen Præstdahl gravlagd, 72 år gl.

I 1701 har Rasmus Præstdalen sonen Børge til dåpen, Karen 02, Aaslov 03, Maren 07, Nils 09. Han døde noen dagar gamal. Same året blir gravlagd Kirsten Bertelsdtr Præstdal, 39 år, sikkert nok kona til Rasmus. Året etter vigjer Rasmus Børgesen Præstdalen med Torber Nilsdtr. Rasmus døde i 1736 — 85 år gl. I 1729 vigjer Kari Rasmusdtr Prestdahl med Nils Nielsen Monen og dei bur i Prestdalen noen år,

Tellef Præstdahl har i 1737 sonen Ellef til dåpen. Han er seinare skriven Tellei Præstdalen, eller Tellef Ellefsen. Kona heitte Thore Christensdtr. Utanom Ellef hadde dei borna Siri 42, Endre 45, Maren 46. Maren Tellefsdtr Præstdal døde i follaug i 1831 — 92 år gl.

I åra 1757—66 var Anstein Steinorsen Skiftenes i Prestdalen. Det er ætt etter dei på Skiftenes.

I 1764 vigjer Andreas Nilsen Prestdalen, som kanskje var son til Nils Prestdalen og Kari Rasmusdtr, med Ragnild Clemedsdtr Brostad. Dei hadde borna Clemed 65, Rasmus 67, Berthe 70, Nils 75, Jørgen 77. Og visstnok også Ole som i 1792 gifte seg med Maren Tellefsdtr Myren.

Aase Andersdtr Præstdalen som i 1798 vigjer med Halvor Jensen Homedal, sikkert nok ein som hadde tent på Hommedal, må me au gå ut frå var dotter av Anders Nilsen. Halvor og Aase fester i 1801 saman med Mari Olsdtr som er mor (stemor?) til Aase, plassen Præstdalen for 6 rd til året. Det var to gamle plassar dei festa.<sup>4</sup> Dei hadde borna Maren 1800, Johanne Margrethe 06, Rasmus 12—33. Halvor døde i 1841 — 78 år gl. Aase blei 85 år. Ho døde 1855.

At Aase var dotter av Anders Nilsen ser me i 1801 for då bur brørne hennar, Nils og Rasmus, hos Halvor og Aase. Dei var matrosar. Nils gifte seg i 1801 med Aase Salvesdtr Monen og dei bur i Prestdalen til 1806.

Rasmus vigde i 1806 med Gunnil Kristine Knudsdtr Aasen. Dei kom til Molland.

Maren Halvorsdtr gifte seg i 1823 med John Johnsen Myren. Dei budde i Prestdalen noen år, men kom til Strandfjorden.

Johanne Margrethe Halvorsdtr vigde i 1833 med Ole Christian Christensen Holte og budde i Prestdalen. Dei hadde borna Rasmus 34, Christen 37 og Inger Margrethe 40. Rasmus gifte seg i 1861 og flytta til Mollandskjær.

*Prestdalen som klokkargard.*

Å få klokkargard i Prestdalen tok dei til å arbeida med alt i 1846, fortel Kr. Stalleland. Men dei laut vente til plassen blei bygsselfri, seier han. Og bygsselfri blei vel plassen i 1855 då Aase Andersdtr døde. Sætehuset på klokkegarden blei bygd i 1861. Kyrkjesonar Torjus Hansen flytta inn der med kona Astri Wroldsdtr. Dei hadde sønene Wilhelm 64, Hans 68 og Alf 72. Astrid døde i barsel 1872 — 39 år gl.

Torjus Hansen var f 1836 på Fjellmannsplassen i Øyestad og blei som alle veit ein landskjend mann som fråhaldstalar og stortemplar i I.O.G.T.

Ein annan landskjend mann budde og i Prestdalen i desse år, Viggo Ullmann, som her starta den folkehøgskolen som han i noen år dreiv i Landvik, først i Prestdalen, sidan på Vigmarken. Den gamle husmannsplassen var blitt eit åndssentrum. Men saga om dei to menn som begge budde i Prestdalen i 1875 høyrer ikkje heime her. Viggo Ullmann var f i 1848 i Kristiania og var cand. theol. Blei stortingsmann og amtmann.

Klokkargarden har 20 dekar dyrka mark. Lærar og klokke Olav Stuestøl bur der nå. Han er f i Kvås 1904.

*Prestvollen*

er nemnt i 1792. Anders Svendsen brukte plassen der han sådde 2 tønner bygg og avla 14 tønner.

*Presthaugen.*

Dette var ein nyare plass under Hommedal. Første gong eg har funne namnet er i 1844 då Signe Susanne Andersdtr Prestehoug gifter seg med Ole Christian Aanonsen Møretro. Marren Andersdtr Præsthoug vigde i 1852 med Matias Olsen Moltemyr. Henrik Lassesen frå Sogn som kjøpte eit av bruka i Aasen, gifte

seg i 1860 med Oline Andersdtr Presthougen. Og i 1873 vigde Ole Andreas Andersen Presthougen f 1842 med Trine Mathea Nilsdtr Dønnestad frå Tveit. Dei budde på Presthaugen i 1875 der dei fødde 1 ku og 1 ungdyr, sådde noe korn og sette 3 tn poteter. Ole Andreas var skipstømmermann og ute då. Ein son Anders Kristian 1874, Nils Martin 77, Anna Katrina 80.

Nils Martin Andersen fekk skj på Presthaugen av Kirke- og undervisningsdepartementet i 1926 for 2100 kr. Presthaugen blei utskild med skyld mk 1.00 i 1925 og fekk bnr 16. Bruket gjekk ved skifte i 1950 etter Nils M. Andersen over til Marie Presthaugen og Martha Presthaugen for 2100 kr. Arvingane selde i 1951 til medarving Arthur Sundbø. Oskar Moen er eigar frå 1953. I kjøpet var også med bnr 3 Aasen og bnr 18, Landvik. Kjøpesum 15 000 kroner. Eigedomen har 15 dekar dyrka mark og 10 dekar skog.

*Ulvshus.*

I 1621 er nemnt Omund Ulshus som husmann. Neste gong me finn namnet er i 1869 då ungar Gunder Johnsen Ulshus dør 83 år gl.<sup>5</sup> Han testamenterte det han åtte til John Terkelsen Skiftenes som same året overdro til prost Hauge husa på plassen Ulshus for 65 spd. Nils Jensen Vatnestrand kjøpte husa og feste i 1870 plassen for 4 spd til året. Ein son, Hans Jakob Nilsen Ulvshus f på Vatnestrand 1859 var sjømann. Han døde i Rosario 1890. Han var gm Joakimine Andrea Zakariasdtr og dei hadde borna Nils Sevrin 84, Helene Marie 87 og Hansine Andrea 89.

Nils Hansen overtok plassen i 1906. Sætehus modernisert 1938. Uthus frå 1877. Plassen har 12 dekar dyrka jord og 15 dekar skog.

*Andre plassar.*

Utanom Prestdalen var det i 1838 to plassar til på Hommedal, men dei som sat der hadde

ikkje leigebrev, heiter det. Ein av desse plassane var vel Ulvshus, den andre trulig Presthaugen. Leiga for desse to plassane var 6 spd 24 sk. Husmennene hadde arbeidsplikt for 12 sk dagen og kosten. Det var vanlig dagløn.

I 1869 gir prost Hauge festesetel til Niels Christensen Bjelland og kona for livstid på ein plass mot 8 dagar arbeid til året i slåttonn eller skuronn. I 1859 hadde han gitt festesetel til Bent Nilsen og kona for eit myrstykke, mot arbeid. Ole Andersen fekk feste på Presthaugen i 1874. Hans Ommundsen festa i 1880 ein plass for 24 kr. året. Hans Osuldsen Fjellmoen fekk i 1882 feste på plassen Fjellmoen mot 8 arbeidsdagar eller 10 kr. året. Året etter fekk Jens Jensen Solberg og kona Marthe feste på ein plass. I 1884 gav presten feste til Knud Didriksen Solberg og kona Rakel på ein plass.

#### FRÅSKILDE BRUK OG PARSELLAR

I 1890 tek Kyrkjedepartementet til å selje unna plassane. Og sidan er det utskild ei rekke parsellar så det nå er 22 bruksnr under Hommedal.

*Solheim bnr 2* blei utskild frå bnr 1 i 1890 med skyld 5 øre. Herman Lassesen fekk skj i 92 for 800 kr. I 1897 gjekk bruket ved folaugskontrakt over til sonen Nils Hermansen for 2450 kr. Ved sk etter kona Olivia fekk Nils Hermansen utlagd eigedomen for 5000 kr. i 1911. Arvingane etter Niils, Anne Oline Hermansen og Herman Nilsen er heimelshavarar i 1944. Anne gjev skj til broren Herman Nilsen for halvparten av eigedomen for 3600 kroner.

Bruket har 30 dekar dyrka mark og før 3 kyr. Sætehus bygd 1850, ombygd og modernisert 1892—53.

Herman Nilsen er f 1902. Farfaren Herman Lassesen var frå Vik i Sogn. Han var 26 år

då han i 1864 vigde med Anne Larsdtr Østermoen. Dei budde då på Presthaugen.

*Austad bnr 3.* Utskild i 1890 med skyld 4 øre. Knud Didriksen fekk skj i 92 for 500 kr. Det var nok den plassen han festa i 1884. Enka Rakel Elisabeth fekk uskiftebevilling i 1902. I 1905 er tinglese grunnavståing til jernbanen Grimstad—Froland. Ein parsell av skyld 2 øre fråseld i 1908. Arvingane etter Knud og Rakel Didriksen selde til Lars Didriksen i 1912 for 2000 kr. Han selde til Anna Torstensen f Didriksen i 1919 for 2500 kr. Bnr 2 har 9 dekar dyrka mark.

*Austlid bnr 4 og 13.* Bnr 4 Nyhaven av skyld 3 øre blei utskild 1890. Aanon Gunerius Bentsen fekk skj i 1892 for 400 kr. Han selde i 1898 til Tornelius Aanonsen (Grinnevoll) for 1450 kr. I 1912 kjøpte Tor bnr 13 Austlid av skyld 3 øre for 250 kr. Var gått ut frå bnr 10. Martha Børresen Skjeggedal kjøpte i 1939 for 7000 kr. Bruket har 12 dekar dyrka mark og 4 dekar produktiv skog. Sætehus bygd 1912, uthus same år.

*Sandvadmonen bnr 5* av sk 2 øre fekk Gun-der Olsen kjøpe i 1892 for 300 kr. Utskild frå bnr 1 året før. Johan Helund kjøpte i 1895. Enka Alette Helund selde i 1902 til Hans Skarbo for 1150 kr. Jørgen Evensen Morholt kjøpte i 1907 for 1400 kr, Jonas Jensen i 1914 for 2200 kr. Han selde i 1929 til Aasta Olsen (Guttormsen) for 2500 kr. Bnr 2 har 4 dekar dyrka mark. Sætehus bygd 1880.

*Arnevik bnr 6* av sk 5 øre er utskild frå bnr 1 i 1891. Juliane Katrine Andersdtr fekk skj i 1892 for 400 kr. Ho selde året etter til Bent Torgripsen for 500 kr. Marie Olsen Nærebø fekk auksjonsskj i 1909 for 1800 kr. I 1916 kjøpte Wilhelm Galdal for 3500 kr. I 1918 kjøpte så Kolbein Jakobsen for 7000 kr. Bruket har 10 dekar dyrka mark og 2 dekar skog.

Sætehus bygd 1850, modernisert 1948. Uthus 1850.

Kolbein Jakobsen er f i Tysnes 1885, gm Helga Stalleland, dotter av Helene og Terje Stalleland.

*Haugland bnr 7.* Gunder Aslaksen Haugland fekk skj i 1892 for 800 kr. Var utskild frå bnr 1 året før med skyld 9 øre. Det er fråseld to parsellar, restskyld 6 øre. Alfred Johannesen kjøpte av Gusta Haugland i 1926 for 11 000 kr. Heimelshavar 1950: Margrethe Johannesen, enke etter Alfred Emil Johannesen. Margrethe f i Meråker 1901.

Bnr 7 har 28 dekar dyrka mark.

*Nygaard bnr 8,* utskild i 1891 med skyld 10 øre. Kirkedepartementet gav skj til Peter Andreas Evensen 1892 for 800 kr. Aanon Aanonsen Frivold overtok året etter for 1200 kr. Det stod eldre hus som høyrde «Landvik fatigvesen» til. Det er ei enke som bur der og i 1894 blir det gjort kontrakt om at husa skal stå der så lenge denne kona lever. Alfred Ahlin får auksjonsskj i 1902 for 1150 kr. I 1905 grunnavståing til jernbanen. Edvin Andersen kjøper i 1910 for 9500 kr. I 1917 kjøper Peder E. Stoveland denne eigedomen og Landvik bnr 159 for 11 600 kr. Knut Igland overtar i 1935 for 11 500 kr. Svingersonen Hans Edvard Abrahamsen får eigedomen i 1955 for 24 000 kr. på nærare fastsette vilkår. Nygaard har 40 dekar dyrka mark og 5 dekar skog.

*Austad bnr 9* selde Rakel Didriksen (bnr 3) i 1909 til Jens Nilsen Bjorhuslien for 2800 kr. Det var bygd her i 1895. Bruket har 12 dekar dyrka mark.

*Hansplass bnr 10* av skyld 30 øre blei utskild frå bnr 1 i 1909 og Kirkedepartementet gav same året skj til Andreas Gundersen for 550 kr. i 1912 fråskild parsellen Austlid bnr 13. Iver Iversen Kappelslåen kjøpte i 1929

denne eigedomen og Landvik bnr 56 for 8000 kroner.

*Have (Blekkekjær) bnr 11* selde Gunder Haugland (bnr 7) i 1910 til Børre Osmundsen for 150 kr. Martha Børresen fekk eigedomen i 1930 for 2000 kr. Ho selde i 1937 til Aust-Agder Skogselskap for 2500 kr. Same år kjøpte Skogselskapet bnr 19 Veistykket av Nils Hermansen (bnr 2) for 300 kr. I 1946 overtok Erling Gauslaa begge eigedomane for 5500 kr. Bruket har 4 dekar dyrka mark.

Erling Gauslaa er f i Fjære 1913. Foreldre Kristine og Eivind Gauslaa.

*Nyland bnr 12* selde Tor Aanonsen Grindevoll (bnr 4) i 1912 til Karl Kristiansen for 875 kr. Sonen sjåfør Ivar Kristiansen overtok i 1948 for 2000 kr. på nærare fastsette vilkår. Sætehus bygd 1909, modernisert 1949.

*Skjulestad bnr 14* av sk 30 øre gjekk ut frå bnr 1 i 1915 då Kirkedepartementet gav skj til Nils Hansen Ulvshus for 2800 kr. I 1938 kjøpte Eilif Ugland Hansen denne eigedomen og Landvik bnr 189 for 8000 kr. Nytt sætehus bygd same året. Uthus 1920. Bruket har 15 dekar dyrka mark og 20 dekar skog. Eilif Hansen f 1914 i Grimstad, gm Aagoth Kiland, sjå Kiland.

*Braaten bnr 15* av skyld 15 øre fekk Knut Torjusen skj på av Kirkedep. i 1926 for 1200 kr. I 1934 fekk han og bnr 18 av sk 5 øre for 180 kr. Bruket har 17 dekar dyrka mark og 3 dekar skog. Sætehus bygd 1929, uthus 1933. Knud Torjusen er f i Buviga 1887. Sjå Væting-ætta.

*Solbakken bnr 21* selde Margrethe Johannesen (bnr 7) til vegarbeidar Junker Andersen i 1950 for 2200 kr. Han bygde der i 1951. Junker Andersen er f i Fjære 1910.

*Landvik skoletomt* bnr 22 av skyld 5 øre blei utskild i 1955. Kirke- og Undervisnings-

departementet sat med heimelen då Landvik skole blei bygd i 1865. Då presten Hauge og Torjus Hansen såg ut skoletufta, sa Hauge, etter det Kr. Stalleland fortel, at det måtte høve med ei leige av 1 mark — 80 øre — for året. Men presten kravde aldri den marki, skriv Stalleland.

Skolehuset blei påbygd i 1888. Ein sidebygning med sløydsal kom til i 1938.

#### MERKNADER

1. Lista her er sett opp etter eit etterlete arbeid om prestane i Landvik ved Kr. Stalleland.
2. Dei var svigersøner til Bugge.
3. Martini fører sak med «almuen» i Landvik om påkostnaden på prestegarden. Saka går heilt til Høgsterett og blir pådømt i 1844.
4. Etter Kr. Stalleland.
5. Han var son til Jon Nilsen Dolholt. John Terkelsen var brorsonen hans. Sjå Dolholt-ætta.

---

## LANDVIG

Gnr 18

Det var ein storgard som ein gong i tida blei rudd og reiste seg ved austenden av Landvikvatnet. Her blei kyrkja bygd, her blei sentrum for det heradet som fekk same namn som garden.

Så langt tilbake me veit har Landvig — me skal bruke den gamle skrivemåte til skilnad frå heradet — vore *ein* gard. Alt som låg mellom Søndle — Rore og Landvikvatnet, unna-teke Hommedal, hørde Landvig til. Heilt fram til først på 1800-talet låg det bare den eine garden på sletta ved kyrkja, slik som me kan sjå det på målarstykket til engelskmannen Edy frå 1804. Men rundt om låg alle husmannsplassane: Ringsdalen, Ringskleiv, Ronnen, Bakken, Sandkleiva, Holte, Monen, Geidaråsen, Aasen, Gangdalen. På fleire av plassane var det meir enn ein brukar, så det var opptil 18—20 husmenn under Landvig.

Av gamalt hadde Landvig ei skyld på 8 huder. Det seier kanskje ikkje så mykje, men ser me på oppgava frå matr.kom. i 1867 finn me at det då til Landvig var 843 mål dyrka jord som kunne fø 10 hestar, 50 kyr, 24 sauer og ein del ungdyr. Her er då rekna med Aasen og Ronnen som sidan er blitt eigne matrikkelgardar. Herregard og husmannsplass høyrer soga til.


*Krongods og i adelseige.*

I 1532 fekk lensherren Stig Bagge på Lista ordre til å fange død eller levande Mikkel Jude på Landvig. Me kan gå ut frå at han budde på Landvig som då sikkert nok var kongens gods.

I 1557 blir Jakob Friis fut i Nedenes og fekk Landvig gard til bruk. Jakob Friis var av ei svensk ætt som kom til Danmark. Gjennom giftarmål kom ætta til å kunne rekne dei norske kongane mellom sine stamfedre. Friis-ætta var direkte knytt til Landvig til 1687, men Friis-ætlingar sat sidan med garden fram til 1815 då Landvig blei delt i 6 bruk. Desse bruka blei etter hvert seld. Det kom nye folk til på alle bruk, men rundt i bygda og elles i bygdene omkring, er det ikkje så få som kan føre ei eller fleire ætteliner tilbake til Friis'ane på Landvig og dermed også tilbake til Haralds-ætta.<sup>1</sup>

Jakob Friis var gm Helvig Skade Nilsdtr. Ho hadde store eigedomar i Nord-Jylland (Veile Amt) og i 1583 makeskifte Jakob Friis desse eigedomane med kongen og fekk Landvig til eige.

Eigarane av Landvig finn me ikkje i skattemanntala først på 1600-talet. Og grunnen er den at Friis'ane var av adelsætt og slapp skatt. I matr 1668 heiter det: Jesper Friis' arfuinger



*Rosesanden mot Landvigvatnet.*

ier garden og holder derpaa dug og disk. Hafver Kong Friderik den 2den af høiofl. ihukommelse tilskiødet H. sal. vellb. Jacob Friis d. 30 april 1583. Hafver siden weret een adelig residentz gaard. Det heiter vidare at Landvig «med sine Husmandspladser inden fiire haandestaffue» skylder 8 huder. Captein Reutner brukte garden «paa hans stoffbørns vegne». Jesper Friis var son av Daniel Jacobsen Friis. Daniel var fut og budde på Landvig. Han var gm Helle Jespersdtr Mylting.

Jesper Friis som var f i 1605, blei sjøoffiser, steig til admiral i 1638. Frå 1644 var han tolder i Nedenes. Han var gm Inger Mormand som var dansk. Ho var f 1629 og gravlagd på Landvik 1692. Ho blei 2. g. gm kaptein

Jean Reutner som er nemnt ovanfor som brukar av Landvig i 1668. Då Anders Friis, son til Jesper, overtok garden, flytta kaptein Reutner og kona til Skogerøya ved Lillesand.

I 1673 tok futen til å kreve skatt av Jean Reutner som nekta å betale. Reutner skaut saka inn for kongen. Avgjerda fall i 1685 og gjekk ut på at Landvig slett ikkje var meint som adelig sætegard i og med at det var ein adelsmann som fekk garden, men då skatt ikkje var kravd i dei år som var gått, fastsette kongen at alle skattekrav skulle strykast når Jean Reutner betalte 100 rd.

Anders Friis, som var 4. generasjon av Friis'ane på Landvig, blei ikkje lenge buande der. Han var gm Brynhilde Teiste og fekk

med henne Hananger-godset på Lista og flytta dit. Anders Friis drukna seg i Hanangervatnet i 1718. Det heiter at han blei sinnssjuk. Han var den siste i mannsline av Friis'ane på Landvig. Men garden gjekk ikkje ut av ætta. Anders Friis selde Landvig i 1687 til Christen Ellefsen frå Arendal som var gm Karen Jacobsdtr Friis frå Molland. Christen Ellefsen døde på Landvig 1690 — 40 år gl. Karen gifte seg 2. gong i 1691 med Hans Arentzøn von Campen. Han hadde vore fut i Robyggjelaget og blei nå herre til Landvig, der han døde i 1722 — 69½ år gl.

*Hans von Campen — spekulant og kverulant.*

Hans Arentzøn von Campen sat som eigar og brukar av Landvig i 30 år. I mt 1701 er han oppført som borger til Christianssand og dreiv nok då handel på Landvig. I 1703 ser me at han stemner fleire av bøndene i Landvik for gjeld. Stemninga har som overskrift: Gud størche Rættten! Men sjøl tok han det ikkje så nøgje. Me finn eit karakteristisk døme på det i eit skifte på Hørte i 1708, skiftet etter Torjus Christoffersen. Det heiter der:

Ellers forklarede den ældste søn at han for nogle dage siden havde været hos Sr. Hans Arentzøn von Campen boende paa Landvig, og æsked avreigning, hvor Hans Arentzøn da gjorde saadant overslag at den avdøde til hannem skulde blive skyldig ungefehr 14 rd. Og endskiønt den ældste søn var forsikred at hans fader og denne sterfboe naar rigtig avreigning skeede, nærmere skulde have faaet noget tilgode hos Arentzøn, end at blive hannem skyldig, begierede han dog en avreignings-seddel, paa det han kunde anvise samme paa dette skifte, men Hans Arentzøn vilde den ikke meddele, og sagde at han ensede intet skifte, og blev saaledes uden nogen rigtigheds erholdelse hos hannem avvist. Derfor berettede enken og den ældste søn at den sidste gang den avdøde gjorde avreigning med Hans Arentzøn fik den avdøde hos hannem tilgode 1 rd 1 ort, hvorpaa den avdøde samme tid avreigning skeede, bekom 1 rd, og siden haver den avdøde intet hos hannem oppebaaren. Og da samme avreigning skeede, bestilte Hans

Arentzøn hos hannem rætte egebielker, hvorav og blev udvirket, fremdreven og til Hans Arentzøn levered i medens avdøde levede 1 tylft 8 træer. Og efter Hans Arentzøn samme havde bekommed, skikkede han den avdøde bud at han vilde ikkun give for tylften 3½ rd. Og siden havde hverken den avdøde selv eller nogen paa hans veigne oppebaaret noget hos Hans Arentzøn. Og vidste ikke enken og den ældste søn ikke heller at stærvboen udi andre maader noget til hannem var skyldig, videre end landskyld av en halv hud i Kiland, Hans Arentzøn tilhørendes som den avdøde udi 3de aar haver brugt, og imidlertid haver den avdøde selv svaret odelsskatten, hvorfor trende aars landskyld beregnes naar odelsskatten avkortet til 3 rd 21 sk, efter hvilken forklaring saasom ingen contrabog findes sr. Hans Arentzøn bereignes til denne stærvboe at blive skyldig 5 rd 11 sk. Og ihvorvel enken og den ældste søn paastod at denne deres forklaring baade var sandfærdig og bevislig, saa begiærede de dog at den giæld som Hans Arentzøn til stærvboen var skyldig, ikke maatte blive bereignet blandt stærvboens visse midler og de umyndige tillodned, *ti de kiendte Hans Arentzøn saa vel at de ikke formodede sig nogen mindelig betaling hos hannem at erlange.*

Det stig fram for oss eit bilæte av ein sjølv-rådig herre. Han var ein spekulant som dreiv med lastehandel og lastedrift. Og at han var ein kverulant går tydelig fram av det utall av rettssaker han hadde. Det meste var småsaker. Men vidare heldig med spekulasjonane sine var han visst ikkje, for han blir sjøl stadig stemna for gjeld, utan at me her kan gie oss av med å nemne alle dei saker han var oppe i. Skattane forsøkte han å vri seg frå, serleg konsumsjonsskatten som handelsmenn måtte betale. I ei sak 1711 seier han at han alt i 1706 sa frå seg borgerskapet i Kristiansand og driv nå bare garden og ikkje kjøpmannskap. Lasta han har er noe gamal overlegen last og elles frå eigen skog som han har dreve for å betale skattane. Dei måtte betale skatt også dei som hadde fleire tenestfolk i huset. Men om dette seier han i eit brev at han bare har «et par fæpiger der kan beobagte mit qvæg og deslige bundegjærning».

I 1709 hadde han ei sak med stesonen Ellef



Christensen som har tilgode i arv 1046 rd. H. A. kranglar om dette, men blir dømt til å betale. I saka er han titulert Proprietarius til Landvig. Krangelen hans kosta sikkert nokså mykje. Og noen heldig spekulant og god økonom var han nok ikkje. Eit stort tap fekk han sjølsagt då garden brann påskelaurdag 1713.

I 1721 får me eit sikkert prov for at Hans von Campen nok dreiv heller stort som lastehandlar. Han blir stemna av Søfren Pedersen for gjeld 700 rd. For dette har kravsmannen «ladet arrestere 1200 furtylter og 8 boer bestaaende paa Landvig gaards eie». Same året får han elles ei stemning frå sin eigen son Arent Hansen. Det gjeld arv etter mora Karen Jacobsdtr, som var død i 1700, og etter ei halvsøster, tilsaman 606 rd. Han seier at han «ved sønlig anmodning intet kunne formaa», derfor reiser han sak. Saka blir utsett, men då haustinget kjem, blir saka på ny sett ut. Hans von Campen er sjuk. Og neste vår dør herren til Landvig — nær 70 år gl.

Skiftet etter Hans von Campen fortel om den verksemd han har dreve. I 1714 hadde han kjøpt Røynåna sag med tilhøyrande 2 skogstykke og ein husmannsplass og bygd sag og kvenner der. Han hadde ått ein gard på Vimme i Åmli, men hadde selt i 1720 — med rett til å ha fureskogen i 31 år! Retten blir verdsett til 60 rd, men blir ved auksjon seld for 73 rd. Alt laust gods går til auksjon. Det syner seg at Hans von Campen hadde ei gjeld på vel 4000 rd, men innkoma syner brutto 3855 rd. Dei uprioriterte kravsmenn — dei møter i rad og rekke — får ikkje meir enn 1½ ort for kvar dalar dei har tilgode.


Terkel Larsen Lindtveit møter og krev betaling for 60 tylfter tømmer som han har dreve frå skogar som H. v. C. eig i Fyresdal. For dette skulle han ha 2 rd 1 ort 8 sk levert i Mæsel bom. Han byd seg til å betale 3 rd for tylfta levert i Mæsel bom, men skifteretten

godtar ikkje tilbodet. Av trelast elles er det m. a. 8 tlt eikebjelker som ligg ved Landvigvatnet. Desse blir sett i 6 rd pr. tlt. Det står 900 furubord 10—12 fot lange på Roresanden. Og så er det noen tylfter tømmer ved Røynåna sag og ved Rorestranda. Auksjonen gjev i alt 1466 rd for lausøyre, sag, trelast og «skouparter». Garden er av 8 takstmenn sett i 375 rd pr. hud H. v. C. åtte 6 huder 1 ksk i garden og buet blir inntektsført 2289 rd. Av «tilstaaende gjeld» er det bare 2 postar. Anders Olsen V. Vimme står til rest med 7½ rd, og så er det ein løytnant Giervig skyldig 7½ rd som er leige for 1722 «af den platz Myren han beboer». Lista over «bortskyldig gjeld» fyller 10 sider i sk.protokollen, m. a. krev kyrkjevergene tiend heilt frå 1705. To tenestegjenter får godkjend eit 14 år gamalt krav på løn. Også fleire av husmennene kjem med krav, trulig for arbeid dei har gjort og ikkje fått betaling for.

#### *Landvig i 1720-åra.*

I skiftet som sluttar 23. mai 1723, er det ein lang beskrivelse av garden med hus, lut og lunnende. I ei tidligare sak er det nemnt at det var påskelaurdag 1713 at det brann på Landvig, men her er det sagt at det var 1714, og det er vel trulig det rette. Det er ikkje oppgitt mål på bygningane, men uthusa var i 2 «længder». I den «syndre» lengde er 2 treskelåver, 3 kornløer, 2 kufjøs med høyløe over . . . og under i mellom disse huse en aaben poert, heiter det. I den «vestre længde» er det 2 «kostalder», 1 hestestall med høyløer over . . . og langs efter disse huse er inden til garden en tilbygd svale. På nordsida er det hage «med frugttrær udi».

Me kan her sjå for oss eit stort gardsanlegg der sætehuset nok ligg i sør og uthus med hage lagar ein innbygd gardsplass med svalgang rundt. Trulig var det vel au svalgang på baksida av sætehuset. Dette var nok ikkje det store huset som stod på Landvig til fram i dette hundreåret. I skiftet etter Christen Kjøbmand i 1764 blir det talt om den nye bygning og den gamle bygning. Den gamle bygning må då vere den som Hans von Campen bygde etter brannen i 1714



Den gamle Landvig-  
garden og Landvik  
kyrkje.

og som nok ikkje var bra nok for den rike Christen Kjøbmand. I skiftet i 1723 blir det bare nemnt desse rom: stuen, salen, cammeret og kjøken med spiskammers.

Trævahre i stuen: 1 stor rødmalet kiste med 5 jernbaand, 1 dito, 1 løibenk med blaet overtrek, 1 brunmalet rundt bord med 4 sorte dreiede stolper, 1 koffert med læderovertrek, 1 tabelet.

Paa sahlen: 1 gl sort furrekiste, 1 skrin med 3 baand, 1 aatekantet bord med rammer, 1 langt egebord, 2 sengesteder av furre, 2 gl skilderier med sort ramme, 1 speil, 1 dito. I kammerset er det 1 firkanta bord og 1 rundt bord og 1 «tabelet» (taburet?). Der er det og 7 «tafler» som er sett i 12 sk stykket. Vidare står det her 14 silingsbøtter og 3 små baljer!

Som me ser var det ikkje innbu som skilde seg større ut frå det som var vanlig på ein gard. Men så er det serskilt nemnt stoler: 2de med grøn overtrek, 2 med lær, 5 høie med flamsk omtræk, 2 høie syet med silke paa rødt klæde, 2 dito syet i blomster, 1 par plydses dito, 6 par syet paa blaet.

I matr same år er det ført opp at Landvig kan fø 2 hestar, 42 naut, 20 sauer og 8 geiter. Utsåd 24 tn. Letvindt. Vaadlændt, heiter det. Skiftet syner at det stod 21 kyr og 7 kvier

på båsen. Vidare 2 stutar og 2 tjarar, 4 kviekalvar, 3 stutkalvar, 7 garekalvar, 14 sauer og 7 geiter, 2 hestar.

#### *Arent Hansen overtar.*

Ved sk i 1723 levde bare to av borna til Hans von Campen og Karen Jacobsdtr. Det var sonen Arnt, eller Arent som han helst blei skreven, og dottera Elen f 1697. Arnt var f 1694. Han var gm Ingeborg Jørgensdtr Feiff, men ho døde i 1726, bare 21½ år gl. Dei hadde ei dotter Karen f 1724. Ved sk i 1726 var mormor til Karen, Barbro Suhm tilstades.

Arnt Hansøn Landvig som han er skreven ved sk hadde i åra før 1720 kjøpt noe jordegods i Kiland og Risdal av faren. I 1720 kjøpte han 3 huder i Molland og Bakke, men selde i 1723 då han overtok Landvig. Han fekk trulig medel ved giftet sitt. Ved skiftet i 1726 har han lausøyre for 430 rd brutto, netto 219 rd og eig dessutan 3 huder 7 ksk i Landvig.

Ved skiftet etter Hans von Campen var det av sølv bare noen få sølvskeier og sølvknappar. Nå er det ei mengd med sølv, m. a. ei kanna «med 3 knapper og nafn paa laaget Søfren Andersen og Karen Brink», kanna er verdsett til 38 rd. Vidare er det «1 sølvstøb med laag og nafn Daniel Feiff og Ellen Buch sampt Jørgen Feiff og Barbro Suhm (10 rd). Vidare er det eit staupe, 12 sølvskeier og 1 udpoklet sokertasin med 2de ører (6 rd). Det er også eit gullkjede på 2¼ al. som er verdsett til 10 rd, eit par gulløreringer og ein gullring. Alt dette fekk dottera forlods. Ho blei gardjente på Landvig og gift med Christen Kjøbmand på Lillesand. Dei overtok Landvig.

I huset er det nå kome m. a. eit stort hollandsk skap i stova og 1 speil med brun ramme og krone (8 rd). Skapet blir sett i 16 rd. Det er også 1 gammel slougværk i stuen med foderal, verdsett til 6 rd. Me finn att fleire av dei stolane som tidligare er nemnt og dessutan eit «laqvered trebord». Forutan «cammeret» er nå og nemnt «sengecammeret». Me merker oss at omnar ikkje er nemnt mellom jernsakene, så dei hadde nok ikkje omnar. Ingeborg Feiff hadde nok fått ei bra heimanfylgje, det ser me av gull- og sølvsakene som er nemnt. Av klæde er nemnt m. a. 1 røed chagrins silkekiol og skiørt til 20 rd.

Arnt Hansen gifte seg oppatt i 1727 med Ingeborg Nilsdtr Nørholm. Ho var ei sonedotter av Maren Nilsdtr Friis som var gm Samuel Lauritsen Nørholm. Dei to var såleis firmeningar. Dei fekk 6 døtre. Ei av dei var Lisbeth som blei gm Nils Gjerulsen Tjore og sidan fekk Molland, der ho døde i 1814.

Arent Hanssøn von Campen Landvig døde i 1743 — 49 år gl. Skiftet etter han syner ein brutto på 3198 og netto 1888 rd. Her er då medrekna 4 h og ca. 11 ksk i Landvig for 2116 rd. Lausøyra gjekk til auksjon som gav 614 rd. Til dette kom m. a.: 1 stor indemuret

brøndeviskaaberkiel med hat og piber paa omtrent ½ td rum, 20 rd. Så Arnt Landvig dreiv nok med brennevinsbrenning. Men han hadde nok au kjøpt ikkje så lite av det slaget. Frå 1739 er det ei rekning m. a. på ½ anker fransk brennevin. Det er frå ei rekning for åra 1738 —41 frå Hans Olsen Falck i Arendal. Rekninga var på 99 rd og gjeld ei rekke varer. Arnt Hansen hadde levert bord for 49 rd. Mad<sup>me</sup> sl. Tyge Pedersøns har ei rekning der det m. a. i 1741 er levert: 26/3: 5½ potter fransk brennevin. Mai: ½ anker, oktober: ½ anker. 1742 febr.: ½ anker. Mai: 5½ potter, aug.: 3½ potter. Eit halvt anker kosta 5 rd. I 1743 er og notert: hands kieriste 1 pund sukker (1 ort 4 sk). 27/8 fik hans ligfær, heiter det: 1 anker vin, ½ anker brennevin. Lorents Ankermand i Grømstad har levert varer, m. a. 1 td bygg 3 rd og ½ td malt 1½ rd. Christen Mogensen i Grømstad har au ei lang rekning på ei rekke vareslag, malt, brennevin, sukker, tyvarer. Det er og ei rekning frå feltskjær Heins for medikamenter 21 rd 2 sk. Anders Tulle i Arendal har rekning m. a. for eit anker brennevin i 1738. Han har tatt mot 7 tlt planker og 6 tlt bord. Ole Stoltenberg krev «for beslag til den sl. mands kiste» 5 rd, og: Landvig kirkes eier mad. Giertrud, sl. Lyth Ørums lod fordre som hun endnu resterede for den sl. mands nedsettelse udi Landvig kirkes kor 7-1-0. Matias Lange krev for ein sele med messing beslag og stangbidsel (levert i 1739) 6 rd. Vidare heiter det: Anno 1740 in febr. bytted hæst med ham paa den condition om hans hæst stod mig ikke an maatte jeg skikke ham sin hæst tilbage igjen til hannem, og han var saa syg og arm at han døde paa veien tet ved gaarden, og fik ikke min hæst tilbake igjen saa som han har solt min hæst. Vurderer min hæst for 12 rd. Enka protesterte mot kravet, som blei vist til retten.

Peder Jensen i Arendal har ei mellomrekning

som går tilbake til 1735 og Christen Samuel- sen Eide presenterer ei rekning på 62 rd, mest for korn og malt, men og for sukker og te. Det er levert kne og bjelker så restgjelda er 24 rd. Svogeren Anders Nilsen Gurebo har ei rekning for skur i åra 1741—43. Skurprisen var 3 ort pr. hundre (stort hundre dvs. 120). I 1741 blei det såleis skore 100 fem tylfter og 10 bord. Det kom på 7-3-12. Arnt Hansen hadde elles kjøpt  $\frac{1}{4}$  av Gurebusaga for 160 rd. Parten var av lensmannen og vurderingsmennene sett i 125 rd. Men Christen Kjøbmand — han var blitt Arnt Hansens sviger- son året før — protesterte. Han sa han ville løyse parten for 150 rd. Og slik blei då også parten ført opp. Takstmennene hadde sett garden i 400 rd pr. hud. Også dette fann Christen Kjøbmand for lågt. Det måtte minst vere 432 rd. Og slik blei det. Christen var også inkassa- tor for auksjonspengane, så han var nok ein kar som gjorde seg gjeldande.

Til slutt kan nemnast at til såkorn for 1743 blir det sett av  $24\frac{1}{2}$  tn bygg a  $1\frac{1}{2}$  rd og 4 tn rug a 2 rd.

#### *Christen Kjøbmand.*

tek alt i 1743 til å løyse inn jordegodset. Han kjøper då 1 hud av Elisabeth Hansdtr for 375 rd. I 1746 løyser han vel 12 ksk som var utlagd for gjeld for 438. rd. Ingeborg Nilsdtr var blitt utlagd 2 h 3 ksk ved sk etter mannen.

Christen Kjøbmand var skipper og hadde ei skute som heitte Landvig. I november 1749 melder han frå i retten at han laut søkje hamn i Strandfjorden der skipet ligg og treng vøling. Han var på veg frå «Glasgo» i Skotland til Hamburg med tobakk. Gjekk ut frå Grenaa 21. oktober . . . . men formedelst haard veir- ligt 31 okt og 1 nov hvorved skibet blev skadet . . . . var det at han laut søke opp til Norge. Dei laut vende for å sleppe å drive i land på den hollandske «køst» og dei nådde

først Strandfjorden 6. november. Pumpane slog seg vrang på grunn av sandballasten som var under tobakken. Og brotsjøør slog ned i romet så tobakken blei våt. Han har med seg styr- mannen og noen av mannskapet for å vitne om dette.

Men han var ikkje bare sjømann. Han passa på sitt på land au. I 1750 sender han rundt bod om at alle husmenn må ha festebrev på plassane sine, og eit par år etter driv han ein husmann frå Ronnen. Han blei ein rik mann, han visste å passe på sitt, om det så galdt ein stakkars husmann og høydottane hans.<sup>2</sup>

Karen Arntsdtr døde alt i 1751 då ho hadde fødd sitt 5. barn Christiane. Barnet døde eit halvt år etter.

Først i 1753 er det skifte, men ikkje noe vanlig skifte, for Christen Kjøbmand hadde fått løyve av kongen (Chr. V) til å sitte i uskift bu, men måtte sette opp dokument over buet. Dette kunne gjerast på billigaste måte, heiter det. Dokumentet er sett opp av Jacob Geel- muymden, kongl. maj. munsterskriver udi Christiansands district boende udi Grømstad og Hans Sørensen Tysk, borger og indvaaner udi Arendal. Det er på «croned papir» til 32 rd, så heilt billig var det ikkje, men så var brut- toen på 9363 og nettoen på 8000 rd. Så Chris- ten Kjøbmand var alt då ein grunnrik mann, Han åtte over halve Landvig (4 huder 4 ksk), men dette jordegodset var bare sett i 850 rd, hus medrekna, eller omlag  $\frac{1}{10}$  av nettoeiga hans. Det var lausøyre for 813 rd. Han åtte halvparten av Boen og Rygene laksefiske «med sine tilhørende herligheter saasom stødeløn» og dette var sett i 700 rd. Så hadde han skipet Landvig som var 6 år og på 141 trelastlester. Det blei sett i 4000 rd. Til dette kom 3000 rd i «indgjeld». Det som gjekk frå var arv til døtrene i første ekteskap (703 rd), ymse kre- ditorar 550 rd og skiftekostnad 110 rd. Chris- ten vil ikkje ha arv etter dottera som er død.

Det blir då på hans part 4000 rd, på sonen Arnt 1600 rd og på hver av døtrene 800 rd.

Christen Kjøbmand gifte seg for tredje gong med Gjertrud Knudsdr. Ho var av den rike Aabel-slekta i Birkenes og hadde vore gift med Gjerul Nilsen Tjore, men hadde ikkje born. Med Christen Kjøbmand fekk ho ein son i 1754, men han døde vel 1 år gl.

Christen Christensen Kjøbmand på Landvig som han er skreven i kyrkjeboka, blei ingen gamal mann. Han blei gravlagd ved Landvig 10. oktober 1758 — bare 50 år gl.

*Eit skifte på Landvig for 200 år sidan.*

Christen Kjøbmand var ein grunnrik mann då han døde. På dei 5 år sidan skiftet i 1753 hadde han forutan skipet Landvig fått fleire nye skip og hadde hatt stor fortenest. Elles kunne ikkje nettoeiga hans ha auka med 12 000 rd på dei få åra. Ved skiftet ligg det m. a. føre ei avrekning frå firmaet Wedich & Wendel i Amsterdam og ifylgje denne avrekninga har skipet Palmetræet på ei reis frå «Glaschou» til Rotterdam hatt ei fortenest på 2661 gylden. Skipa blir selt på auksjon. Landvig som tidligare er nemnt og som var på 141 trelastlester gjekk for 3760 rd, De 5 søstre 8000, Palmetræet 7600 og halvparten i Provedentia 1650 rd.

Utan gjeld hadde han ikkje greid å skaffe seg denne flåten. Bruttoen i buet vår 29 009 rd, nettoen 18 120 rd. Skiftet som tok til 6. nov. 1758 blei først avslutta 31/1 1760. Det fyller 54 tettskrevne sider i skifteprotokollen. Bare skiftekostnaden kom opp i 288½ rd, derav for «det originale skiftebrevs beskrivelse» paa 176 ark 88 rd. Salarium 100 rd. Lensmann Knud Andersen Imenes fekk 20 rd for sitt arbeid. Det same fekk dei to vurderingsmennene Lars Nilsen Molland og Aanon Aanonsen Liene.

Det var desse arvingane etter 1. ekteskap med Margrete Pedersdr Krog: Catrine Maria

gm Anders Nielsen Møglestu, Maren 21 år. Frå 2. ekteskap med Karen Arntsdr. v. Campen: Arnt 9½ år, Margrethe Krog 16 år, Ingeborg Feif 14 år og Anne Catrine 12 år.

Skrivaren, Peter Brønsdorff, hadde skreve til fleire av «sidste kuld børns nærmeste parrørende» om å ta på seg verjemål, men dei prøver alle å vri seg frå det. Verger blei Anders Møglestu, Lars og Christian Nilssøner Molland og Jacob Geelmuiden, som var komen eins ærend til Landvig for å be seg fri.

Me kan bare her ta med eit kort utdrag av registreringa, men skal freiste å ta med det som syner hossen dei budde og det dei hadde av innbu, sølv, av buskap og reidskap.

Gjertrud Knudsdatter låg sjuk då skifteretten kjem. Dei byrjar då i «sengekammeret» som er i «Den gamle bygning». Gjertrud seier at ho ikkje veit om reide pengar og av gull er det ikkje anna enn den sal. mands gulduhr som udi hans schatol er beliggende, heiter det. I romet er det elles 1 gl. eigebord, 1 slagbænk . . . hvorudi 1 dyne, 1 pude med strie wahr, 1 par strie lagen og 1 hvid rye. Vidare: 1 høit skab med endel skuffer hvorudi ei var andet end nogle faa specier, 1 hollandsk stort skab med 4 dører hvorudi 2de duger, 1 serviet, 1 strygeklæde. Det må ha vore eit stort rom for det er elles nemnt: 6 rydselærstoler, 1 nøgleskab, 1 sæng hvorudi 2 underdyner, 1 overditto, 1 par lagen, 2de puder, 2de støkker og en kappe grønt magreiz omhæng. 1 gl stentaavle, 1 ildtang og ildskuffe, 22 gl bøger av diverse sorter, 1 tind sukkerbøsse, 1 ringvæved dug. End videre et schatol med laas og hængsler udi hvis skuffe ved eftersyn ei befandtes andet end børnenes linklæder og andet deres tøj, men udi øvre parten befandtes endel papirer. Nok i bem. sengekammer 1 liden speiel, 1 nattskrin og 2 par grønne gardiner.

I *stuen*: et stort skab (i det var det ei mengd sølv-saker), nok en husklokke med fouderal, 2 læhnestoler med hynder, 3 høyryggede stoler, 1 speile, 12 små og 3 store skilderier, 1 fiirstolped sæng med grønt magreis omhæng, 1 firkanted skrin uden laas, en egetrækiste, 1 brun kiste, 1 fuglebuhr, 1 mæssing skaalvægt med lodder. Dette var møbleringa. Det er også nemnt m. a. 4 punsjbollar, 15 glas, 1 karaffel og 24 «boutellier». Me får greie på sengklæda, det er mengdevis med laken, det er damask og dreielsdukar og serviettar og 6 par gardiner.

I *barnekammeret* er nemnt det der er av laken og sengeklæde.

I *kjøkenet* finn me m. a. 5 grytar, 3 tekjlar, 4 kobberkjelar, 2 kobberpanner, 15 tinnfat, 3 strykejern, 3 dusin tinntallerker, 1 kaffekvern, der er fyrfat og mortarar og mange andre ting.

I *bryggerhuset* er det m. a. 4 øltønner og 1 innkvern.

På øvsteloftet er hamna mange ting, m. a. 1 «distelkerkiedel». Dei hadde nok slutta med brennevinsbrenninga. På stolphuset er det m. a. 32 sekker mjøl. Det er også ein jordkjellar, men der er det mest glas og flasker.

*Den nye våning.* Det er serskilt takst over dei nye sætehus som Christen Kjøbmand ma ha bygd i sine siste leveår. Takstmenn utanom dei to som er nemnde, var tømmermann Jens Christensen Taulenes og murmester Nils Terkelsen Bakken. Det heiter: Og da blev først de nye huser taget i øiesyn og befandtes saaledes som følger: 1. en større stue med 6 par vinduer udi og en toe etages kakelovn, samt betrukken med grønmalet seildug. Ovenpaa samme stue er en sahl med 6 par vinduer og en toetages kakelovn, derovenpaa et øverste loft med et vindue. Paa søndre side av indgangen til huset er et kammer med 3de par vinduer og en jernkakelovn, derovenpaa en liden sahl med 3de vinduer og en kakelovn og derovenpaa et øverste loft. Nederst i svalen et kjøken med skaarsten og 2 par vinduer og en kakelovn, samt avdelt spidskammers med et vindue. Ovenpaa kjøkkenet er et kammer skoelen (skålen?) kaldet med jernkakelovn og et vindue, der indenfor et avdelt klædeskammer med et vindue. De 4 dører til begge stuerne og sahlene er forsynet med dobbelte laaser, men ellers enkelte laaser. Huset ellers med teigtaage og blaamalet bordklædning samt hvide lister forsynet, alt med trapper, dører og andet tilbehør i fulkommen nye og god stand værdsat for 500 rd.

Det var ein representativ bustad Christen Kjøbmand hadde fått seg. Det var ikkje lenger seng i stova. Nå heiter det Storstuen, og der var det: 1 dusin forgylte læders stoler og 2de læhnestoler, 1 laqveret salongbord, 3 høiryggede læderstoler, 1 stor speile. Det ligg 2 biblar der og så er det ein «presentertallerken» av tinn. For vindauga er det gardiner med kapper.

Me får og greie på det som er i dei andre roma. I kammerset er det omhengsseng og eit lakert bord. I kammerset ovanpå er det og omhengsseng, eit stort lakert bord og eit lakert tebord, 6 små «læderstoler». På salen er det 1 stort firstolpet egebord, 1 firstolpet seng med karnis og blaat magreis omheng med kapper.

Buskap: Det heiter i den første registreringa: Ellers befandtes 37 noud, 4re hæste, 10 faar, en del gris og gieder.

Når me samanliknar med 15 år tidlegare, ser me at det også er blitt sving på gardsdrifta. Nå er det også for første gong nemnt hjulreidskap. Der er 2 kjerrer og 2 trom, forutan sleder og andre køyregreier. Der er m. a. nemnt 1 slæbevogn. Der er 2 gl harver og 1 plog med jern og ristel.

Ved sida av dei nye husa er det ein ny anlagt hage med steinmur . . . samt derovenpaa sviller og rækker med blaamalet stakett, takseret for 40 rd.

Det stod ei gamal vindmølle på Landvig. Mølla stod oppe på monen. Det heiter elles: Værmøllen syntes for nærværende tid at være aldeles ubrugelig og skjønt den vel kan have kostet med alt tilbehør i minste 400 rd saa kunde den dog nu ikke ansees av nogen værdi, saasom ingen her paa stædet forstaar sig paa saadan arbeide, men blev saa allene vurderet de derudi befundne et par qværnstene for 20 rd og alt jernverk for 4 rd.

I Strandfjorden hadde han sjøbu med utstyr for skipa sine, lagerbu for handelsvarer, og der lå det au mykje trelast og ved. Der stod det au ei stove med eldhus og ei smie.

Det kunne vere mangt anna å nemne. Det stig fram for oss bilæte av ein uvanlig drivande kar som sat i ei alsidig verksemd. Han var fødd i Vendsyssel ca. 1708 og kom til Lillesand i 1730-åra. Der kjøpte han i 1734 ei tuft og bygde den eldste delen av det store og staselige huset som nå er Lillesand rådhus.<sup>3</sup>

Hva rikdommen hans representerte, er det ikkje enkelt å avgjere. Men det måtte vere ein millionformue i våre dagar hossen ein reknar. Det er ei «reigning» som Terkel Romundsen Havstad har skreve i 1759 til skiftet. Der er det m. a. ført opp «11 dages arbeyd a 16 sk». Det vil seie at dei kunne få ein mann i 6 dagar

for ein dalar. Christen Kjøbmands formue representerer såleis 108 000 dagsverk, og set me dagbetalinga nå til 40 kroner kjem me opp i over 4.3 millioner kroner! Nå er sjølsagt dette ei grov forenkling, men for dei mange som då sleit for 16 skilling dagen måtte rikdommen på Landvig vere som noe av eit eventyr, hossen ein nå ser på det.

#### *Thomas Fasting.*

Christen Kjøbmands einaste son Arnt døde i 1769 — 20 år gl. Han hadde overtatt av farens jordegods i Landvig 4 huder 4 ksk som ved skiftet blei sett i 1600 rd. Han etterlet seg netto 2449 rd og hadde sett opp testamente for festarmøya si Maria Frederica Meydel som han har «fattet en særdeles ægte kierlighed for».

Eldste søster hans, Margrethe, hadde gifta seg med Thomas Fasting og dei er på Landvig frå 1763, og det blir Fasting som får Landvig.

I 1769 er dei gift alle Kjøbmandsdøtrene, unnateke Ingeborg Feif. Ho blei seinare gift med Mads Møglestu på Tingsaker, bror til Anders Møglestu som var gift med halvsøstera Catrine Marie. Den yngste av søstrene, Anne Catrine, var i 1769 g m Rasmus Møglestu, prest til Valle. Det var såleis tri brør gm tri søstre. Me nemner det her, fordi «Møglestuane» sidan fekk med Landvig å gjere.

Enka etter Arnt Hansen v. Campen, Ingeborg Nilsdtr Nørholm budde på Landvig til 1767 då ho flytta til Flørenes i V.M. saman med svigersonen Johan Jørgen Weber, som var gm Maren Arntsdtr.

Margrethe Fasting fødde 11 born til verda. Ho døde på Landvig i 1804 — 61 år gl.

Thomas Fasting var av prestætt, men blei sjømann og skipper og bygde også skip som ikkje hadde det beste ord på seg. Det er etter han dei hermer at det ikkje var, så farlig om

skuda ikkje var så sterk, for ho skulle bare gå i blaudde vannet, og gjekk ho på land røyg ho likevel.

Thomas Fasting kom til å øyde det svigerfaren hadde bygd opp på Landvig. Han slutta på sjøen, men blei visst ingen gardbrukar. I 1792 er det ført opp at Landvig kan avle 10 tn rug, 50 tn bygg, 10 tn havre og 30 tn poteter, medan det på plassane under Landvig samla blir avla 157 tn bygg og litt rug og poteter. Stadig er han i pengevanskar. Det ser me av alle stemningane. Men han sat med stort hus. I 1792 hadde han såleis 3 tenestdrenger og 5 tenestgjenter.

I 1804 — same året som kona døde — måtte Thomas Fasting selje Landvig til Nicolai Madsen Møglestu på Tingsaker som gav 17 900 rd for dei 8 hudene. Med i kjøpet fylgde og Dammen kvern som Fasting hadde kjøpt. I 1808 selde Nicolai garden til mor si, Ingeborg Feif Christensdotter for 14 000 rd. Thomas Fasting, som var 75 år i 1801, flytta til Tingsaker der han døde i 1812 utan å etterlate seg nemnande eige.<sup>4</sup> Nicolai Møglestu vigde med dotter av Fasting, Catrine Marie, same året som han kjøpte Landvig.

#### *Ein gard i forfall.*

Då Nicolai Møglestu overtok Landvig, kravde han synsforretning. Odelsmennene var varsla, heiter det. Dei gamle store hus står der då. Dei hadde 22 fag vinduer, det same som «Den nye vaaning». Det var akkurat same slag vindaug i dei to bygningane, 12 ruter i hvert vindaug, hver rute 11 tommer høg og 11¼ tomme brei. Men gamlehuset var i ring stand. Det heiter: Bygningerne ere av ælde og sin egen tyngde synket dybt i jorden og svillene bortraadnet, saa den ikke kan opveies uden at brækkes og splittes, og ei heller formedelst raadenhed kan nyttes til bygningsværk paa et andet sted til udhus, men ved rivning og flytning koste mer end deres verd. Men det var tegl på toka, om enn mykje mosegrodd, og det var noen gamle omnar, murstein og ein gamal innemura kobberkjel. Verdien av det heile blei sett til 125 rd.

Med den nye vaaning som han framleis blir kalla, står det betre til . . . men vinduskarmer og grener er raadne, og bordklædningen udvendig paa huset og taget maa rives og lægges av nytt forraadnet dets forraadnelse, hvilket ogsaa er beskaffenheden ved svillerne under huset. Og skorstensmuren er brøstfældig og maa tillige med røret rives. Klinker og bolter tillige med dører og beslag er brugbart, men bygningen er synket og maa opveies. Dei sette verdien til 300 rd, mot 500 rd i 1759. Om hagen heiter det at indhegning og plankeverk er forraadnet og utienlig.

Det heiter vidare:

4. En bygning optimret av fjorten laft i lengde (den nye våning var 8 laft, den gamle 10 laft) og 4 laft i bredde, hvorudi er 2de traskelaaver og 3 lahder og et faarehus hvorudi vægger og alt er forraadnet og utienligt saa samme strax maa rives, men teglstenene paa taget som er røde og tildels brugbare blev skjønnet i værd med 25 rd.

5. Hæste- og kostaldbygningen med tilhørende høilahde er optimret av 12 lafts længde og 4 laft i bredde, men ganske forraadnede og utienlige saa de maa rives (tegl for 25 rd).

6. Svine- og hønsehusbygningerne er optimret av 6 laft i længde og 4 laft i bredde og enkelt høide, tækket med rød tegl, men gammel og brøstfældig, saa denne bygning blev skjønnet i høieste værd den summa 5 rd.

7. Bryggerhusbygningen er optimret av 4 laft i længde og bredde, hvori en bagerovn og skorsten brusten, og taget tækket med rød tegl, men intet vindu (10 rd).

8. Badstubygningen er optimret av 4 laft i længde og bredde, men brøstfældig og forraadnet i vægjerne nærmest jorden (10 rd).

9. Raan-saugen med stem og render er forraadnet og nedfaldet saa derav kuns er tienligt og brugbart jernredskaben.

10. Damsaugen med sine render og bolverker er forraadnet og ubrugbar, saa jernredskaben skjönt meget brøstfældig blot kan nyttes.

11. Indhegning av enten træ eller sten fandtes ikke hverken inden jordes, udi hjemmemarken eller uden jordes i skauv og udmark.

12. Teglbrænderiet og veirmøllen tillige med bygninger og redskaber er ødelagt og intet tilbage.

13. Agerlandet som nu er optaget og ei er bortfæstet eller overladt til husmænd, ansees at være 12 tønder utsæd av byg og rug og avlingen derav at være fem fold, men ageren mangler diger og dyrkning.

14. Enge-slaatelandet, såvidt som ei er bortbygset,

skjøntes at kunne fremføde 24 kior, 3 hæster og 20 faar i nærværende stand, men det mangler grøfter og opdigning, er mosebegrøet og slet dyrket saa samme trænger til store og bekostelige forbedringer.

15. Skouven bestaar av furu og gran, men befindes aldeles udhuggen, saa ingen slags kiøbmandslast derudi findes, dog kan skouven levere fornøden brændsel uden dens forhuggelse, naar forsynlighed bruges.

Så fylgjer ei oppreknning av plassane, 16 i talet, og det dei der kan fø av dyr og avle av korn. Tilsaman kan dei fø 41 kyr og 52 sauer og avle 88 tn korn. Den største plassen er Holte som kan fø 6 kyr og 6 sauer og avle 12 tn korn.

Nicolai Møglestu og Catrine Marie Fasting var på Landvig i 1805 der dei hadde sonen Mathias til dåpen. Dei flytta trulig tilbake til Tingsaker då Mads Møglestu var død og mor til Mads kom til Landvig.

I 1812 kjem kaptein Flinthoug som er gm Karen, eldste dotter til Thomas Fasting, med odelssøksmål mot Ingeborg Feiff, sal. Mads Møglestues efterleverske, som det heiter. Det blir av retten slått fast at Th. Fasting hadde odla garden, unnateke ca. 3½ ksk som han først fekk skj på i 1798. Odelssøkjaren får rett på garden mot å legge løysingssumen. Noen odelstakst er elles ikkje funnen. Det blei i alle fall ikkje noe av odelsløysinga.

#### *Landvig blir delt.*

Så kjem me fram til 1815. Fredag 6. oktober blir rett sett på Landvig med «kyndige jordegodseiere» for å dele Landvig i 8 parter. Lagretten hadde då i 9 dagar dreve på med oppmåling og taksering. Det heiter:

Ved denne forretning var nærværende reqvirenterne: Nicolai Møglestue, Søren Dometius Møglestue, Nils Møller paa sin kones Rennild Møglestues vegne, Hans Speilberg paa sin kones Karen Møglestues vegne, Nils Jusnæs for (Stener) Stenersen paa sidstnevnt kones Sevrine Møglestues vegne og Ingeborg Møglestue i ægteskab med Nils Speilberg paa egne vegne, alle børn av Ingeborg Feiff Møglestue, hvis eiendomsret til



Landvig gaard reqvirenterne sagde sig i besiddelse av. Hvor da den foregaaende udmaaling av al jord til 8 huder i Landvig gaard befandtes at udgjøre i kvadrat favner saasom lodder.

Så følger ei liste over dei 8 loddane, alle på 14 551½ kv.famn eller vel 51 dekar. Plassane var på tilsaman 154 000 kv.fm. eller ca. 540 dekar, men då er nok både dyrka og udyrka på plassane rekna med.

Plassane, 19 i alt, blei fordelt på dei 8 loddane på førehand og så trakk dei lodd.

Nicolai Møglestu fekk lodd nr. 5 og 8. Med fylgde plassane Nedre Holte, Nordre Myra, Sandkleivmyra og Vestre Aasen. Nr. 5: Begge svinehavene med tomtene paa sydsiden av postveien samt øvre fedden. Dessutan noe av Rundeng og Vestre «fedden». Nr. 8: Fjerdingsengen paa begge sider av postveien med tillegg av østmark. Østre Fjerdingsengen ved byttet med Hummedal. Dessutan noe av Rossrundengen og Rosshaven.

Dette bruket av skyld 2 huder blei det seinare bnr 4, nå Statens forsøksgard.

Søren Dometius Møglestue trakk lodd nr. 4 og 6. Lodd nr. 4 var Kirkeeng, Blegevoldægre og Gaasefodægre med nordre hustomt og vedhørende kjøkkenhave, noe av Ringsenga med Gaasefoden imellem postveien og bekken og ein del av Rosshaven. Nr. 6: Vestparten av Houeng og Østremark, dessutan i Rundeng og Rosshaven. Til dette bruket var lagd plassane Monen, Myra Søre, Klomra, Sandkleivmonen, Øvre Holte og Gangdalen. Garden blei delt i to i 1827, bnr 5 som sidan blei delt i to, bnr 6 Kerby Thompson og bnr 15 Knut Imenes.

Rennild Møglestue fekk lodd nr. 7: Trædeng og noe av Rundeng og Rosshaven 4 nærast bekken. Plassar: Sandkleiva og Østre Aasen. Nå bnr 1, Tellef T. Grøsle.

Karen Møglestue lodd nr. 3: Kirkeægre og Womægre med nordre hustomt, noe av Ringsenga og Rosshaven. Plassar: Kalvehaven, Nordre

Ronnen og Bakken. Nå bnr 11, Osul Ronnen.

Ingeborg Møglestue lodd nr. 1: Leerskallen, Leerskaldalen, part av Ringseng og Jomfruplassen. Plassar: Ringskleiv og Havstadkjerr. Nå bnr 2, Marthe og Torvald Ørteland.

Sevrine Ernestine Møglestue lodd nr. 2: Kirkeengen, part av Ringseng og Gaasefoden og «vestre Fedden». Plassar: Ringsdalen, Søre Ronnen og Resviga. Nå bnr 7 som er slått ihop med bnr. 2.

Husa blei delt i to, halvparten til Nicolai og Søren for deira 4 huder, den andre halvpart til søstrene. Delinga var slik: Til 4 huder hvormed postens befordring er forbundet og forenet. 1. vaaningshuset paa nordre side av veien. 2. det vestre fæhus nordre del med halvdelen i kjørilaaven. 3. en hølade med vedskjul i østre ende av bygningen. 4. badstubygningen. 5. en hølade paa Rundengen. 6. et sommerfæhus i Roshaven. 7. et ditto paa Kirkeengen.

Øg med de 4 andre huder hvormed gjestgiveri og skydsvesen er forbundet og forenet: 1. kjørekarstue og bryggerhusbygningen. 2. hestestaldbygningen med hølade. 3. tærskeløe og ladebygningen som staar i øst og vest. 4. kostalden med hølade samt halvdelen i kjørilaaven.

Ved loddkasting får søstrene den første halvparten, den med posten og sætehusa.

Dei vedtok å levere 3 skp høy av hver hud til året og forsikre mora 8000 rbd n.v., 1000 rbd sølvverdi av hver hud.

#### *Byttet for det gamle Landvig.*

Skog og utmark fekk dei ikkje delt «formedelst ufremkommelighed over myrer og moradser». Denne delinga kom først i 1820. Utskiftinga var i dagane 14.—20. juli. Her er byttet om den gamle Landviggarden:

... er befunden at tage sin begyndelse i mellem gaarden Landvig og Havstad i en opsadt sten i Havstadkiæret, derfra til en sten paa en fjeldrabbe i vestre

kant av Husefjeldet, hvor det forandrer cours til en sten som staar paa Ringsklevmonen, og derfra med forandret gang til en sten i sydost hald av Lille Roehest, og derfra efter 3 opsadte stene i Store Roehests vestre kant til en sten paa Svaane, derfra over Svaamoen og Rossekjærstenen til Biorkaasstenen, derfra over Bøygeldsstenen til en sten i Raanelien og endelig til Oxefod i Søndelivandet. Derfra langs vandet til byttet med gaarden Imenæs ved Luekien møder, derfra efter kiennen og dens udløb til en stor sten i andre ende av samme Luekien, og derfra til en sten i søndre hald av Store Imaas, derfra til en sten til en høi paa østre strandet av Lille Imaas, derfra til en sten i Risvigjordet, og derfra bytter bækken ret og kroget til Rorevandet hvilket igjen følges til leedet i Klomra hvor gaarden Frivolds strækning tilstøder, og gaar fra en sten ved Klomra under langs Giederaashaldet til Bytteraastangen ved postveien, hvor Hommedals strækning vedtager, og følger Frievold til Sandvadstenen, ved hvilken Landvig strækning atter indtræder, og følger Morholts gaards strækning efter opsatte stene til et indhugget kors i Gangdalsfjeldet, og derfra gaarden Aakres strækning til en sten paa vestre Gangdalsheien, og derfra med forandret gang efter opsadte stene til en sten paa Skottevigfjeldet ved Landvigvandet, og derfra over vandet til stenen ved Havstadkiær.

#### *Landvig etter 1815.*

Av «Møglestuane» var det visst bare Ingeborg Feiff gm styrmann Nils Speilberg som flytta til Landvig. Dei flytta inn i den gamle garden. Nicolai gjekk nok sidan i gang med å bygge det sætøhuset som nå er ombygd på Forsøkgarden. I 1824, då det blir panta for skatt, er som brukarar nemnt Nils Speilberg, Nicolai Møglestue, Stener Stenersen, Nils Christiansen, Nils Andersen og Jørgen Olsen, men Stener Stenersen på Møglestu må ha brukt sin part med leigefolk.

I 1821 ser me at det er lyst «indførsel udi en hud i denne gaard som tilhører Nils Christiansen Lofthus for resterende gaardsskat pro 1820». Skatten var på 6 spd 100 sk. Same året

ser me at han har lånt 500 spd av Ingeborg Feiff, enka etter Mads Møglestue, mot pant i 1 hud i Landvig. Men alt i slutten av 1821 går bruket til auksjon og Stener Stenersen får tilslaget for 560 spd. Det måtte vere den parten som Rennild Møglestu gm Nils Møller hadde fått. Nils var son til bondeføraren Kristian Lofthus.

Nils Speilberg pantsatte sitt bruk i 1818 for 900 spd med 1. pr. og for 565 spd med 2. pr. Det var «gamlefrua» som gav dette lånet. Han hadde tidligare lånt 333 rd. Og i 1826 går bruket til auksjon. Då kjøper Thomas Pedersen Hardeberg og Gjerul Rasmussen Hunsdal for 1153 spd. Året etter sel så Søren Dometius Møglestue sine 2 huder. Og i 1829 sel Sevrine Ernestine, enka etter Stener Stenersen til Ole Knudsen Vatnestrom 1 hud for 1400 spd. I 1827 hadde Hans Speilberg som var kjøpmann i Arendal (gm Karen Møglestu) seld 1 hud til Ellef Thorsen Grøslø for 1500 spd. Mad. Møglestu (Sevrine Ernestine) selde 1 hud i 1831 til Nils Haaversen Steinsvand for 1200 spd.

Det var nå bare Nicolai som sat att med sine 2 huder. Han fekk skj av si mor i 1820 for 1000 spd, men lånte same sum i Norges Bank i 1826. Ved takst i 1825 var bruket sett i 1800 spd. Av hus var det då halvparten i østre sidebygning m. a., men ved ny takst i 1831 heiter det: Fornøden husebygninger, alle i god stand. Men dei fekk ikkje lån på hus den gongen og husa blei derfor ikkje taksert. Nicolai Møglestue flytta frå i 1830-åra,<sup>5</sup> men hadde bruket til 1839 då det gjekk til auksjon for 900 spd. Og dermed er det slutt med Friisætlingane på Landvig.

Etter den tid har mangt forandra seg. Alle plassane blei etter hvert fråseld, og bruka blei meir eller mindre oppstykkka.

## DEI GAMLE HOVEDBRUK

Me skal nå forsøke å følgje dei enkelte bruk vidare.

*Bnr 11.*

Dette bruket kjøpte Ellef Thorsen Grøsle i 1827 og han fekk den gamle hovedbygningen. Ellef var visstnok komen frå Uldal i Mykland, for han er nemnt Elef Thorsen Uldal då han i 1805 kjøpte eit bruk i Kiland. Dette selde han eit par år seinare med god fortенest. I 1808 fekk han løyve til å drive som gjestgivar på Nedre Grøsle og kom seg opp på brennevins-handel<sup>6</sup> og gardhandel. Nedre Grøsle som hadde vore plass under V. Skiftenes, samla han til gard. Då han flytta til Landvig, fekk han løyve til å drive gjestgiveri der. Den gongen var det stor trafikk gjennom Landviggarden. Den gamle «postvegen» gjekk like gjennom garden og vidare vestover over Ringskleiv og Dolholtmonen, seinare om Havstad. Ellef blei også «Postbonde» og hadde sjølsagt fortенest med det au.

I 1829 hadde Ellef ei privat utskiftningsforretning med David Børresen som hadde kjøpt halvparten av bruket til Søren D. Møglestu. I mars 1833 har han branntakst. Me får då vite at «waanhuset» er 13 laft, 25 alen 16 tommer langt, 10½ alen breidt og 8 alen 6 tommer høgt. At det er «Den nye vaaning» frå 1759 går fram av at det er dei same vindauge, 22, og rutene er dei same. Det heiter at «storstuen er forsynet med malet damask betræk» . . . denne bygning udvendig bordklædt og rødmalet paa 3 kanter . . . den hele bygning er i god stand, taxeret for 680 spd. Uthuset er 30 alen langt. Der er tømra stall, med plass til 3 hestar, «koefjøs» av tømmer med 4 fot høg mur, 3—4 fot tykk. Fjøset er 12 alen breidt, stallen og løa 10 alen. På austsida av stallen er det eit «vedskygge». Uthuset blir sett i 215 spd. Det heiter i taksten at sætehuset står 14 alen frå næraste nabo.

Noen dagar etter denne taksten døde Ellef Thorsen, 61 år gamal. Eldstesonen, Thor Ellefsen, hadde fått Grøsle. Det blei den yngre broren Syvert f på Grøsle 1807 som fekk Landvig. Han tok mora Ane Johnsdtr i follaug for 3 ksk. Skiftet var elles først i 1838. Syvert skal då betale 1312 spd 80 sk for dei 9 kalvskind. I 1836 selde han frå plassen Bakken for 250 spd (1 ksk) og i 1838 Nordre Ronnen 1½ ksk for 200 spd, og i 1843 den siste av plassane, Kalvehagen, for 200 spd (1½ ksk).


Syvert Ellefsen sat nå tilbake med 8 ksk. I 1854 selde han frå eit stykke av Landvigmyra, og i 1856 selde han så garden til Halvor Gjeruldsen Hørte<sup>7</sup> for 3000 spd. Bruket hadde 42 mål dyrka jord i 1867 og kunne fø hest og 3 kyr. Skog for netto 4 spd til året. Halvor Gjerulsen selde i 1887 til Ellef Andersen Birkaas<sup>8</sup> for 14 000 kr. Anders Ellefsen overtok i 1900 for 11 000 kr. Den gamle Landviggarden blei reven og eit mindre sætehus bygd oppatt vest for garden.

Arvingane etter Anders Ellefsen Birkaas selde i 1924 til Osul Ronnen<sup>9</sup> for 11 000 kr. I 1933 selde han frå «Gamletomta» til Magne Stie som der bygde sin nye forretningsgard. Året etter selde han frå Rosshaven av skyld mk 2.50 til Magnus Kalvehagen for 6000 kr.

Bnr 11 har nå 22 dekar dyrka jord og 300 dekar produktiv skog. Sætehuset er på 110 kv.m, 1½ høgd, modernisert 1952. Buskap 2 kyr og hest.

*Bnr 2 og bnr 7.*

Thomas Pedersen Hardeberg<sup>10</sup> og Gjerul Rasmussen Hunsdal kjøpte 1 hud på auksjon i 1826 for 1153 spd. Det var som nemnt Nils Speilberg som sat med denne parten av Landvig. Arnt Stensvand skriv: «Han (Th. H.) hadde restaurert et meget gammelt hus, saa det saa moderne ut i 2 etager og dobbelt bredde». Det var då trulig eit hus han hadde



Thomas Hardebergs gamle bruk — nå Marthe Ørteland.

(Fot. 1960. Tv.)

kjøpt og flytta til. Den eldste Landviggarden veit me var heilt til nedfalls i 1758 og er ikkje nemnt i 1815, så noe av den kan det ikkje ha vore. Thomas Hardeberg sette og teglverket i drift. Fasting hadde slarva dette ut, skriv Arnt Stensvand. I 1836 fekk Thomas skj på 6 ksk jord av Gjerul Hunsdal for 200 spd. I 1859 fekk Peder og Rasmus Tomassøner garden for 1000 spd. Peder fekk heile garden i 1886, gav då 12 000 kr. for halvparten som Rasmus hadde hatt.

Til dette bruket hørde plassane Ringsdalen og Havstadkjær. Kristian T. Haaland kjøpte Ringsdalen i 1932 (mk 1.74). Havstadkjær (og Jomfruplassen) av skyld mk 1.54 kjøpte Leiv Teodor Moen same året.

Det blei elles etter 1815 festa ei rekke nye plassar frå dette bruket. Knud Torjusen festa Jomfruplassen i 1820 for 20 spd til året. Salve Osuldsen festa 1828 «en plads kaldet Søndre deel av Gjerbrøndene, aarlig avgift 1 spd». I 1830 festa Torjus Aamli «et jordstykke paa nordre side av postveien Gjerbrynden kaldet imod aarlig avgift 1 spd».

Ole Jørgensen festa Ringsdalen i 1833 for 3 spd. Bent Olsen og Osul Evensen feste og hver sine stykke det året. Gjerbrøndkrogen var i 1820 festa til Salve Larsen Moen. Knud Knud-

sen Klomren festa Øvre Gjerbrøndmyr i 1847, og Anders Christensen ein part av Landvigmyra i 1848.

Frå 1890 og utover blei det frå eigedomen fråseld ei rekke parsellar. Eigedomen gjekk i 1895 over til Peder Terjesen Stalleland (Hardeberg). I 1932 gjekk bruket over til dottera Marthe gm Torvald Ørteland. Det var då utan Ringskleiva og Havstadkjær også fråskild «Søndleskogen» av sk mk 3.72. Restskyld var då mk 2.30. Blei i 1933 slått saman med bnr 7, 8 og 139 (Kirkeåsen) av samla skyld mk 5.19. Marthe fekk desse eigedomane for 14 630 kr. Dessutan bnr 191 Haaversbruk og bnr 194 Søndleskogen for 13 200 kr.

Bnr 2 har nå 37 dekar dyrka mark og 400 dekar skog.

#### Bnr 7 — «Haavers».

Nils Haaversen kjøpte som nemnt 1 hud av Landvig av madam Stenersen i 1831 for 1200 spd. Arnt Stensvand, brorson til Nils Haaversen skriv: For 100 aar siden (1835) saa der saaledes ut paa Landvig: «Alle Lillesandsfolk var fraflyttet, men Mads Tingsaker hadde ennu skjøte paa 3 huder (skal vere Nicolai 2 huder) som blev leiet bort. Mot nord for kirken stod et lidet hus med 2 værelser, kjøkken og sval i

1 etage og kun et loft i 2den etage. Det tilhørte Nils Haaversen kommen fra Stensvand i Birkenes. Bruket var først i 1830 kjøpt av hans bror Tellef Haaversen, men disse to brødre byttet eiendommene slik at Tellef fikk Stensvand og Nils fikk Landvig. Nils Haaversen levde paa Landvig til sin død vaaren 1862. Øst for dette bruk bodde Thomas Hardeberg.»

Til dette bruket hørde plassane Ringsdalen, Søre Ronnen og Resviga. Den siste plassen blei fråseld 1845. Det blei elles fråseld fleire stykke. Nils Haaversen døde 9. september 1863 — 92 år gamal. Same året hadde han selt 5 ksk til sonen Haaver. Då faren døde, fekk Haaver resten av bruket etter at det var fråseld eit lite stykke til John Olsen Jomfruplassen. Haaver selde frå fleire stykke av garden og sat att med omlag  $6\frac{1}{2}$  ksk då han i 1869 selde eit stykke til Peder og Rasmus Hardeberg for 290 spd, skyld 2 ort. Det blei slått saman med bnr 2 i 1890. I 1871 selde så Nils Haaversen resten av bruket til Peder og Rasmus Hardeberg for 800 spd, med unntak av 3 skogstykke. Har sidan høyrte saman med bnr 2 (restskyld var mk 1.39) som det nå er slått saman med.

*Bnr 8* er gått ut frå bnr 7 med sk mk 1.00, etter at «Haaversbruk» bnr 139 av skyld 39 øre var utskild i 1932. Er nå slått ihop med bnr 2.

#### *Bnr 4.*

Nicolai Møglestue overtok dette bruket i 1815. Fekk som nemnt skj av mor si, Ingeborg Feiff, i 1820 for 1000 spd. Ved takst i 1831 blir garden sett i 2000 spd, men husa er ikkje med i taksten. Utsåden blir sett til  $\frac{3}{4}$  tn rug med avling 6 tn, 4 tn bygg (30) og 7 tn poteter med avling 84 tn. Kan fø 2 hestar, 10 kyr, 20 sauer. Skogen kan av fure og gran gje for netto 24 spd til året. Husmannsplassar: Vestre Aas(en), Nordre Myra, Sandkleivmyra og Nedre Holte. I 1833 forsøker han å ta att

på odell ved sonen Hans Christoffer bruket som Ellef Thorsen hadde kjøpt. Taksten kjem opp i 1700 spd, overtaksten i 2275 spd. Sakføraren for Nicolai raser over taksten som uhøyrd for ein gard «med saa faa herligheder». Det blir ikkje noe av denne odelsløysinga. Sjøl hadde Nicolai som tidligare nemnt pantsett sitt bruk til Norges Bank for 1200 spd på grunnlag av taksten i 1831, så han hadde nok ikkje pengar til løysing. Og i 1839 går garden til auksjon. Jens Larsen<sup>11</sup> slår garden til seg for 900 spd.

Plassen Myra (Nordre Myra) av sk 2 ksk blir fråskild 1861, og i 1862 Sandkleivmyra  $1\frac{1}{2}$  ksk. Jacob Davidsen har då kjøpt garden, men får først skj av arvingane etter Jens Larsen i 1880 for 16 000 kr. I 1862 får Henrik Lassen kjøp på Vestre Aasen. Jacob sit då att med 1 hud  $5\frac{29}{48}$  ksk. I åra framover blir det fråseld fleire stykke. I 1887 blir det såleis fråskild 4 parsellar, m. a. «Ronengen» av skyld mk 1.03. Garden hadde då att skyld mk 9.74.

I 1867 hadde bruket 144 mål dyrka mark, endel god jord paa leer, en del sandjord temmelig tør, heiter det. Dei meiner (matr.kom.) at bruket kan fø 2 hestar, 5 kyr og 6 sauer og avle  $4\frac{1}{2}$  tn kveite, 5tn rug, 9 tn bygg, 18 tn havre og 35 tn poteter. Skogen kan gje for 22 spd netto til året. I 1875 er buskapen 6 kyr, 1 hest, 2 ungdyr, 6 sauer og 1 gris.

Jacob Davidsen var fødd på Møll i Holum 1818. Han sat med garden heilt til 1903 då han selde til Anders Tellefsen Stie for 20 000 kr. Forutan garden dreiv Anders Stie og landhandel. I 1948 selde han garden til Den norske stat v/ Landbruksdepartementet for 85 000 kr., etter at «Nordmarka» bnr 216 av skyld mk 2.40 var skild frå. Nordmarka gjekk i 1953 over til Tellef Stie.

Bruket blei kjøpt til forsøksgard for Sørlandet. Etter at Staten fekk garden er sætehuset påbygd og modernisert, det er bygd ein admini-

strasjonsfløy m. a. og hus til forsøksleidaren som er dr. agric. Kaare Aamlid.<sup>12</sup>

*Bnr 5.*

Søren Dometius Møglestu selde i 1827 1 hud til Nils Andersen som då var leiglending på Landvig. Prisen var 1200 spd. Nils var visstnok ein tilflyttar. Han var leiglending på Landvig i 1824 då han gifta seg med Todne Andersdtr frå Birkenes og fekk seg vel då opp hus. Dei hadde 6 søner: Anders 25, Andreas 26, Ole 29, Johannes 37, Thomas 37, Nils 40 og Gunder f 21, d 49. Johannes, Thomas og Nils blei sjømenn og skipsførarar. Nils Andersen kjøpte Sandkleiva i 1849 for 400 spd (1½ sk) og la til eigedomen.

Etter at Nils Andersen var død i 1863, blei garden delt. Enka Todne fekk vel halve bruket. Resten delte så sønene Anders og Andreas (bnr 40 og 41). Bruket som Todne fekk hadde 67½ mål jord i 1867 og kunne fø 4 kyr. Etter at ho var død i 1878, blei det fråskild m. a. ein part til Johannes Nilsen (Gangdalen). Resten vel 4 ksk fekk så den eldste av sønene Anders ved arveskj i 1880. Det blei sidan fråskild eit par parsellar. I 1889 har bruket skyld mk 3.51.

Anders var gm Grethe Knudsdtr Jomfruplass. Dei hadde ikkje born. Etter at Anders var død i 1889 sat Grethe med bruket. Ho selde i 1893 til Anders Pedersen Homedal for 5700 kr. I 1901 blei Kirkåsen bnr 139 av skyld 50 øre fråseld. Peder Terjesen Hardeberg kjøpte dette stykket for 1200 kr. Det er nå gått over til Marte Ørteland.

Bnr 5 gjekk i 1933 over til Gustav Pedersen etter foreldra Karen Gurine og Anders Pedersen, for 6000 kr. Bruket har 25 dekar dyrka mark og før 2 kyr og hest. Sætehus i 1½ høg (bygd 1825?), nye uthus 1919.

*Bnr 6.*

David Børresen Møll kjøpte 1 hud av Søren Dometius Møglestu i 1827 for 1300 spd. Han hadde trulig kjøpt året før, for han er på Landvig i 1826 og har då ei dotter til dåpen, og han er skysskaffar då. Han var gm Anne Marie Jacobsdtr Nørholmen<sup>13</sup> og dei budde på Møll i Holum og hadde ein bra gard der. Eldste sonen, Børre Tobias, var f 1811. Jacob som kjøpte bnr 4, var f i Holum 1818. Men kona ville vel til heimetrakter og så kom dei til Landvik. David Møll gjekk nok straks i gang med å bygge sætehus. I juli 1827 har han takst for lån i Norges Bank og då heiter det: Nytt vaaningshus, bordtekt. Uthuset stod på granne-garden og skulle flyttast. Som me har set fekk Søren Dometius sammen med broren ein del av uthusa på Landvig ved skiftet i 1815, og det var sikkert desse hus det galdt. Til bruket var lagd plassane Monen, Myra (søre), Klomra og Sandkleiv (Sandkleivmonen) med årlig avgift 16 spd. Garden kan fø hest, 5 kyr og 10—12 sauer, heiter det, og avle 15 tn bygg/havre, 1½ tn rug og 30 tn poteter. Veksterlig ungskog, mest gran og furu. Takst 1000 spd, plassane medrekna.

Det var som nemnt mykje trafikk gjennom Landvig på den tida. Og dei dreiv og tok imot folk og dreiv med skjenking. I 1835 ser me at David Børresen, Nils Andersen og Syvert Ellefsen får hver 10 spd i bot for ulovleg brennevinsskjenking. Det var blitt strengare med det då.

David Børresen døde i 1840 — bare 53 år gl. Garden blei då delt. Anne Marie fekk utlagd halve garden for 750 spd. Børre, eldste sonen, fekk det seinare bnr 15, nå Knut Imenes.

I 1846 blei plassane Myra og Sandkleivmonen utskild frå dei to bruk. Til Myra kom Jacobine Davidsdtr som i 1844 hadde gifta seg med Michal Michalsen frå Spind. Dei fekk også eit

skogstykke i Imåsen. Til Sandkleivmonen kom Oline Davidsdtr. Ho var gm Ommund Olsen. Jacobine og mannen reiste til Amerika med 2 born i 1848.

I 1859 var det fråseld eit par stykke av garden og restskyld var då  $5\frac{1}{8}$  ksk eller 2 dl 3 sk. I 1861 gjekk bruket over til sonen Daniel Davidsen. Han selde au frå fleire stykke. Det var att vel 4 ksk etter gl skyld eller 1 dl 4 ort 11 sk, ny skyld mk 3.75. I 1867 hadde bruket 41 dekar dyrka jord og kunne fø 3 kyr. I 1875 var buskapen 1 hest, 1 ku, 1 ungdyr og 2 sauer.

Daniel var gm Susanne Jensdtr Nærbø. Som enkemann blei han i 1885 utlagd bruket for 5000 kr. Eivind Børresen, som var komen frå Tovdal, kjøpte garden i 1902 for 7500 kr. Eivind gifte seg same året med Josefine Marie Jensen Aagre, dotter av Lars Jensen. Ein son Børre 1903. Garden blei skj over til han i 1916 for 13 500 kr., men seld året etter til Ludvig Longum for 23 000 kr. Longum skj alt neste dagen bruket over til Gerh. Gjertsen og I. A. Gundersen for 25 000 kr. Dei sat med egedomen eit og eit halvt år og selde til Bendiks Thompson i 1919 for 36 000 kr. Bendiks Thompson var f i Birkenes og gm Anna Reinertsdtr Dolholt. Sonen Kerby Thompson f i USA i 1903 fekk garden ved skifteskj etter foreldra i 1955 for 18 400 kr. Han overtok 1952.

Bnr. 6 som har skyld mk 3.60 har 50 dekar dyrka mark. Sætehus i  $1\frac{1}{2}$  høgd, nytt uthus 1920.

#### Bnr 1.

Dette var den parten som Rennild Møglestue gm Nils Møller fekk i 1815 og som nemnt gjekk over til Nils Kristiansen Lofthus, og som Stenersen slo til seg i 1821 for 560 spd. Madam Stenersen selde så i 1829 til Ole Knudsen Vatnestrøm 1 hud for 1400 spd. Det er skifte

etter Ole Knudsen i 1833. Garden seld til Johannes Larsen Einertrø og Jørgen Olsen Landvig for 540 spd. Jørgen Olsen fekk Østre Aasen 4 ksk. Johannes Larsen var gm Inger Johanne Sivertsdtr Torp. Dei var på Landvig til 1838 då sonen Lars blei f der, men same året står Thor Ellefsen oppført som eigar av dei 8 ksk i den nye matrikkelen (3 dl 19 sk), men noe om denne handelen er ikkje funne i panteboka. Me veit bare at Thor selde Grøsle det året. Han blei sidan heitande Thor Landvig. I 1846 selde han frå Sandkleiva  $1\frac{1}{2}$  ksk og sat att med  $6\frac{1}{2}$  ksk som han i 1849 selde til Hans Pedersen Torvolt for 1000 spd. Thor reiste til Amerika. Hans kom til Skiftenes og selde bruket på Landvig i 1854 til Aanon Øvensen for 1000 spd. Han selde til Kittel Gjerulsen i 1867 for 1100 spd. Garden hadde då 45 mål dyrka jord og kunne fø hest og 3 kyr. I 1871 kjøper Haaver Nilsen garden på auksjon for 1250 spd. Han selde same år bnr 7. Same år selde han eit større stykke til Peder og Rasmus Hardeberg. Han selde sidan frå m. a. Ronneng bnr 73 for 350 spd og sat i 1874 att med ca.  $3\frac{3}{4}$  ksk etter gl skyld. Dette skj han i 1875 over til Nils Ager Haaversen for 737 spd. Haaver sat på bruket i 1875, men hadde ikkje buskap. I 1880 gjekk garden til auksjon. Terje Tellefsen Grøsle kjøpte for 3960 kr. Garden hadde då skyld mk 2.58. Tellef T. Grøsle fekk bruket i 1899 for 3350 kr. I 1917 blei fråskild Roshaven bnr 175 av skyld mk 1.54 og i 1956 bnr 244 Lille Landvig av skyld 30 øre, så restskyld for bruket som eingong var  $\frac{1}{8}$  av Landvig er nå mk 0.98.

#### FRÅSKILDE PLASSAR, BRUK OG PARSELLAR

Bakken bnr 9 er gått ut frå det seinare bnr 11 og var den første plassen som blei fråseld Landvig. Knud Knudsen Aamli kjøpte i 1836 av

Syvert Ellefsen Landvig for 250 spd. Plassen var gamal. Det er der funne ei steinøks med skaft-hol. Men første gong me finn plassen nemnt er i 1701. Då bur Torkild Nilsen der. Han er fatig husmann, gift, 48 år. Born er ikkje nemnt. Der bur også Christen Jørgensen, forarmed innsidder, 42 år, med sønene Ole 18 og Jørgen 9 år. Christen var på Holte i 1685, men Torkel, eller Terkel har eg ikkje funne nemnt tidligare. Terkel, eller Terchild Bachen som han då blei skreven, døde i 1730. I 1740 døde Malene Olsdtr Bachen, 80 år. Det var trulig kona.

I 1729 har Nils Bachen sonen Abraham til dåpen, i 32 Terchil, Andres 37. Ingeborg Terkelsdtr Bakken blir i 1745 gm Peder Christensen Tjorestrand. Elen Terkelsdtr dør 30 år gl i 1750. I 1758 er Nils Bakken nemnt som hus-arm. Samtidig er det Nils på Sandkleiva. Og Nils Terkelsen Sandklev er kaveringsmann då Abraham Nilsen Bakken i 1759 gifter seg med Ester Marie Olsdtr Tingvold. Same år dør Kirsten Andersdtr Bakken, 58 år, kanskje kona til Nils Bakken.

Ellef Andersen og Johanne Nielsdtr er på Bakken frå 1760 då dei har ei dotter, Siri, til dåpen. Ellef døde 1773 — 54 år gl, Johanne i 1800 — 77 år.

I 1772 vigjer Niels Ellefsen Bakken med Aase Tellefsdtr Lande. Og dei blir buande der i over 30 år. På plassen sådde dei 1½ tn bygg og avla 10 tn i 1792. Dei hadde ikkje born. Nils døde i 1804 — 65 år gl, Aase i 1806 — 77 år.

I 1807 fester Nicolai Møglestue pl. Bakken og Sletten til Iver Andersen. Han skulle betale 4 rd året for Bakken, 1 rd for «Sletten», ein plass som elles ikkje er nemnt. Iver Andersen døde i 1831 — 61 år gl. Anders Iversen Bakken, 36 år, gifte seg i 1833 med Ingeborg Henriksdtr Østerhus. Dei hadde borna Iver 33, Andreas 36, Henrik 40 og Aanon Matias. Han

fl. til Fjære i 1865. Husmann Anders Iversen Bakken døde 1854 — 57 år gl, så det ser ut til at han også har budd på Bakken, som Knud Knudsen Aamli hadde kjøpt i 1836. Knud blir ikkje der lenge. I 1839 sel han til Hans Christensen Holte, som i 1841 sel til Ole Olsen Øye for 300 spd. Plassen var fråskild i 1836 med skyld 1 ksk eller  $\frac{1}{96}$  av Landvig.

Ole Olsen selde frå noen mindre stykke av plassen. I 1867 er det bare 1½ mål dyrka jord, men dei kan fø ei ku og ei kvie, avle 15 tn poteter, 2 tn bygg og vel 1 tn havre og noe kveite.

Ole Olsen døde i 1872 — 75 år gl, og sonen Ole Kristian overtok året etter ved skj frå mora, Kirsten Christensdtr som var komen frå Valbeland. Han gav 700 spd for eignedomen. Ole Kristian som var f 1834, var gm Hellene Nilsdtr Eskedal. Dei hadde 3 kyr i 1875.

I åra framover blei det fråseld fleire parsellar, i 1913 såleis Bakken Østre av skyld 20 øre. Ved skifteskj etter Ole Kristian og kona i 1921 gjekk bruket over til Olav Olsen Bakken for 2600 kr. Skyld mk 0.26.

*Kalvehagen bnr 12*, var ein av dei nyare plassane under Landvig. Det var ikke folk der i 1766. Første mannen der er trulig Aasul Salvesen som var der i 1801. Han var då 33 år. Aasul Salvesen og kona festa «Nyhaven» i 1790 for 4½ rd året. Aasul var brukar av Kalvehagen ved utskiftinga i 1815. Plassen var då på 6266 fv eller ca 22 dekar.

Syvert Ellefsen selde Kalvehagen i 1843 til Hans Kristensen Holte<sup>14</sup> for 200 spd. Sonen Kristen Hansen var der frå 1859 og overtok i 1869 for 240 spd. Bruket var utskild med skyld 1½ ksk, men det blei fråseld noen mindre parsellar. Kristen Hansen hadde 1857 fått eit stykke som var på 5 mål i 1867, Hans Kristensen hadde 10 mål. Blei slått saman til eit bruk i 1869, men av dette vesle bruket er det nå ved tilkjøp blitt ein av dei største gar-



dane på Landvig med 65 dekar dyrka jord og 100 dekar produktiv skog. Kristen Hansen hadde 2 kyr i 1875, sette  $3\frac{1}{2}$  tn poteter og sådde  $\frac{1}{2}$  tn korn.

Eldste dottera til Kristen Hansen, Nellevine gifte seg i 1884 med Bent Terjesen Udjus<sup>15</sup> og dei overtok Kalvehagen i 1892 for 3000 kr. Sonen Magnus Kalvehagen fekk skj i 1924 for 12 000 kr. Bnr 12 har skyld mk 1.08. Men Magnus Kalvehagen kjøpte i 1934 Rosshaven bnr 196 av skyld mk 2.50 for 6000 kr. og la til garden. Det var Osul Ronden som selde dette frå det gamle hovedbruket som også Kalvehagen høyrde til. Han har også kjøpt til eit par andre stykke.

Magnus Kalvehagen bygde nye uthus då han fekk garden. Nye sætehus i  $1\frac{1}{2}$  høgd var bygd i 1913. Magnus Kalvehagen har vore ein uvanlig drivande kar og er kjent serlig som hagedyrkar, og som ikkje har vore redd for å slå inn på nye vegar. Ei tid blei han nemnt «jordbærkongen», sidan blei det andre spesialitetar.

*Resviga bnr 13* blei utskild frå bnr 7 Landvig i 1845 med gl sk  $\frac{1}{2}$  ksk. Nils Haaversen hadde seld plassen i 1843 for 50 spd. Nicolai Schrøder som hadde noe av Resvika under Imenes og budde der, brukte Landvigplassen Resvika i 1815. Terje Osuldsen fekk feste i 1828 av Stener Stenersen. Halvor Nilsen som kjøpte plassen og Sandehaven, selde frå Sandehaven i 1848 for 50 spd. I 1854 selde han til Halvor Bentsen Dønnestad for 200 spd. I 1857 kjøpte så Knud Bentsen Imenes for 750 spd. I 1867 var det 10 mål tør sandjord til plassen. Har sidan høyrd til Imenesbruket.

*Moltemyr bnr 14* blei utskild frå bnr 5 i 1851. Ole Danielsen fekk skj i 1854 for 48 spd. Han selde i 1856 til Gunder Ommundsen for 50 spd. Gunder Ommundsen var f i Eide i 1824. Han var skomakar, gm Anne Margrete Larsdtr frå Landvik. I 1867 hadde dette bruket på Molte-

myr 5 maal dyrka jord, simpel sand og myr, heiter det. Kunne fø 1 ku og avle 10 tn poteter og litt korn. Sonen Lars Martinius f 1848 var ute som styrmann i 1875. Han fekk skj av Gunder Ommundsen i 1914 på denne eigedomen og Moltemyr bnr 93 av sk 18 øre som Gunder hadde kjøpt i 1908 for 1000 kr. Denne teigen var gått ut frå bnr 5 i 1879. Samla kjøpesum 3500 kr. Sonen Lars Larsen overtok i 1932 for 5000 kr. Bruket er på 30 dekar og 16 dekar dyrka mark. Sætehus i  $1\frac{1}{2}$  høgd, ombygd 1946. Uthus frå 1875.

Denne eigedomen har som me ser vore i same ætta i over 100 år. Eigaren nå, Lars Gustav Larsen f 1897, er heradskasserar i Landvik. Mor hans var Gusta Matilde Knudsdtr, dottér av Knud Aasulsen Solli.<sup>16</sup> Han er gm Anne Metveit, dottér av Edvard Metveit<sup>17</sup> og dei har 10 born, 6 søner og 4 døtre.

#### *Bnr 15.*

Då David Børresen Møll døde i 1840 blei bnr 6 delt. Eldste sonen Børre Davidsen fekk halve garden 6 ksk, bnr 15 nå. Han selde fram gjenom åra frå fleire stykke av garden. I 1857 hadde han att  $5\frac{1}{16}$  ksk, i 1879 ikkje fullt 5 ksk. Bruket hadde 41 mål dyrka jord i 1867, endel god jord paa ler, endel skarp sand, heiter det. I 1875 var buskapen 1 hest, 3 kyr, 1 ungdyr og 4 sauer. Utsåden var vel 2 tn korn og 3 tn poteter.

Hans Børresen f 1840 fekk skj frå faren i 1890 for 8000 kr. Hans Børresen var styrmann i 1875. I 1893 går garden til auksjon og blir seld for 10 000 kr. Med i begge salg var bnr 51 av skyld mk 1.16 som Børre hadde kjøpt av Haaver Nilsen (bnr 7) i 1868 for 500 spd. Dette har sidan fylgd bnr 15, som i 1890 hadde skyld mk 3.66.

Johan I. Olsen kjøpte eigedomen og sat med han til 1912 då han selde til B. K. Imenes for 18 900 kr. I 1926 gjekk bruket til sonen Mag-

nus Imenes for 23 600 kr. I 1925 skilde han frå parsellen Granli av skyld mk 1.40 (bnr 223) og selde så til brorsonen Knut Imenes for 40 000 kr. Bruket har nå 45 dekar dyrka mark.

*Myra bnr 16.* Myra, eller Landvigmyra var gamal plass, dvs. det var to plassar der. Den første plassmannen me kjenner her er Christoffer som d i 1693, 53 år gl. Han heitte sikkert nok Christoffer Pedersen, for det er den einaste med namn Christoffer som i tidligare skattemanntal er nemnt mellom husmenn. Kona hans var sikkert nok Ingeborg Madtzdtr som sat som enke på Myra i 1701 med sønene Peder 14 og Steiner 12 år. Ein son Madz tente i Kristiansand. Fattig huskone, heiter det. Vidare er der, trulig på den andre plassen: Abraham Pedersen, degn i Hommedals Præstegjeld, 59 aar. Lever udi armød og haver ingen deigne-bolig.

I 1733 er nemnt Ole Myren og Tergie Myren som begge har barn til dåpen. Me skal her fylgje ei ætteline etter Terje. I 1756 vigde Anne Tergiesdtr Myren med Tellei Guttormsen Beisland. Dei hadde 4 døtre: Todne 1757—1818, Maren 57, Karen 62—78 og Aase 67. Ho døde som legdslem 1832. Tellei, eller Tellef som han nå er skreven, døde i 1790. Ved skiftet var der brutto vel 43, netto 22½ rd. Husa var: 1 stue og kjøkken tekt med 100 teglsten, resten bordtaage, 1 stolphus, vurderet for 28 rd. Av lausøyre var der for vel 15 rd, m. a. 1 ku (5 rd), 1 sau, 2 geiter. Han var skyldig Fasting 15 rd med rett til å drive hustømmer. Dette blei verdsett til 12 rd, men ikkje tatt med i vurderinga.

Eit par år etter, i 1792, vigde Maren Tellefsdtr med Ole Andersen Præstdalen. Anne Terjesdtr sat då med plassen der dei sådde 1½ tn bygg og avla 7 tn. Anne døde 1799.

Maren og Ole hadde desse born: Tellef 93, Aaseline 94, Anders 96, Aslach 98, Guttorm

1800, Ane Marie 04. Mari Tellefsdotter Myren døde i 1836, Ole Andersen i 1857 — 85 år gl. Av borna veit me bare om Guttorm som kom til Myra, og Aaseline som i 1835 gifta seg med Nils Terkelsen Sandkleiv.

Anders gifta seg i 1819, men flytta frå. Det blei Guttorm som overtok plassen. Han fekk feste av Nicolai Møglestue i 1830 for 6 spd året. Ved skiftet etter mora i 1836 blei han utlagd eit stolphus og ei gamal badstove for 5 spd. Guttorm fekk sidan kjøp på plassen. I 1854 blei ein del av Landvigmyra utskild frå fleire av dei gamle hovedbruk med skyld 2 ort 13 sk, og i 1864 kjøpte han frå bnr 4 plassen (nordre Myra) som blei utskild med skyld 2 ksk eller 3 ort 23 sk for 650 spd. Plassen er då nemnt Øvre Myren. Eit par år etter blei det han hadde, slått saman til bnr 14 nå som i 1867 hadde 30 mål dyrka jord og kunne fø 3 kyr og 4 sauer. I 1875 budde Guttorm på Myra og hadde 4 kyr. Søstera Anne Marie var der og stelte for han. Ho hadde ei dotter Karen Kristensdtr f 1829. Som «logerende» hadde dei ein John Johnsen frå Bratsberg. Om han heiter det: opholder sig ved folkehøiskolen for faderens regning.

Guttorm Olsen d 1888. Han hadde testamentert det han hadde til søstera og etter henne Karen Kristensdtr. I 1900 sel så Karen Kristensdtr til Terkel Nilsen Sandkleven<sup>19</sup> for 4000 kr., og den gamle plassen som nå var blitt ein bra liten gard, gjekk då ut av ætta.

Terkel Sandkleiva selde i 1927 til sonen Olaf T. Sandkleven for 6000 kr. Han selde i 1944 frå Vestreskogen av skyld 30 øre. Restskyld mk 1.89. Bruket som er på 265 dekar har 52 dekar dyrka mark og 150 dekar produktiv skog. Sætehus bygd 1873, nytt uthus 1937. Olaf T. Sandkleven overtok bruket i 1918.

*Rognerud (Sandkleivmonen) bnr 17.* Om-mund Olsen kjøpte Sandkleivmonen for 100 spd i 1846. Gjekk ut frå bnr 6. Gjekk sidan

i fleire handlar. Sofie Woxholt fekk auksjons-skj i 1904 for 1575 kr. og fastsette at eige-  
domen skulle heite Rognerud. Selde i 1919 til  
Gerhard Johnsen for 6000 kr. Dina Skaugen  
kjøpte i 1921 for 13 000 kr. og selde i 1924  
for same pris til Georg Nilsen. Harald Hansen  
kjøpte i 1928 for 7500 kr. Han selde til Håkon  
Johnsen Stormoen i 1928 for 7700 kr. Eige-  
domen har 7 dekar dyrka mark. Sætehus i 1½  
høgd modernisert 1943.

*Myra bnr 19.* I 1833 er det sk etter Susanne  
Kristine Aslaksdtr Morholtmoen. Husa blei ut-  
lagd enkemannen Ole Olsen for 11 spd. I  
1856 får Gunder Olsen skj på Morholtmoen  
2 sk for 20 spd. Frå Syvert Ellefsen Landvig  
hadde han kjøpt eit stykke av Landvigmyra to  
år før, ½ ksk eller 4 sk, og dette blei slått  
ihop til bnr 19 Landvig av sk 10 øre. Eige-  
domen gjekk i 1929 ved auksjonsskj over til  
Lasse Henriksen Aasen for 7000 kr. I 1948  
gav han skj til søstersonen Henrik Andreassen  
for 10 000 kr. Eigedommen har 12 dekar dyrka  
mark. Sætehus bygd 1850, ombygd 1952.

*Sandehaven bnr 20.* I 1848 selde Halvor Nil-  
sen Risvigen pl. Sannerhaven til Andreas Syvert-  
sen for 50 spd. Risviga med Sandehaven var  
noen år før gått ut frå bnr 7. Andreas var sko-  
maker f i Moland i Telemark i 1812 og var  
gm Andrea Katrine Nilsdtr f 1818 i Fjære.  
Dei hadde borna Nils 41, Børre 44, Marthe  
46, Andrea Margrethe 48 g 67 med Ole Olsen  
Bakken, Syvert 52 g 78 med Anne Bergitte  
Børresdtr Landvig, Elen Katrine 55, Andreas  
Emanuel 57, Anne Catrine 59 g 81 med Anton  
Emil Evensen, Bernt Martinius f 62, Var sjø-  
mann, d 1880. Andreas Syvertsen d 1876.

Den eldste av sønene, Nils, blei styrmann.  
Han vigde i 1874 med Anne Marie Børresdtr  
Landvig, dotter av Børre Davidsen Møll. Dei  
budde i Sandehaven som Nils overtok 1879.  
Dei hadde ein son Georg Martinius f 1881.  
Han var sjømann og bleiv i den engelske kanal

i 1898. To døtre døde i ung alder. Nilsine  
Marie f 1884 blei gm Nils Winsland frå Bir-  
kenes som var driftsstyrar for Kalvild. I 1913  
er det tingl. fråsegn frå Børre og Andreas Nil-  
sen om at dei skriv frå seg odelsrett og arv  
etter faren til fordel for mora Marie Sand-  
haven. Same året skj ho bruket over til Nils  
Winsland for 3500 kr. Han sel til Eilif Grøslø  
i 1938 for 7000 kr., men i 1942 får Nelly  
Winsland, dotter til Nilsine Marie og Nils,  
odelsskj for 13 000 kr. Nelly er gm snekker  
Aanon Håbesland. Bnr 20 har sk mk 0.12 og  
har 10 dekar dyrka mark, sætehus bygd ikr  
1850, sikkert nok av oldefar til nåverande  
eigar.

*Gjerbrønden bnr 21* blei utskild frå bnr 15  
i 1856 med skyld 3 sk (2 øre). Eigedommen  
har gått i handel mange gonger. Karl Johan  
Johannesen kjøpte i 1892 for 1000 kr., gjekk  
i 1893 over til søstera Tonje Johannesdtr  
Reiersøl og i 1909 til dottera Anne Tomine  
Andersen (Johannesen). Arvingane etter Pet-  
ter Martin og Anne Tomine Johannesen skj  
eigedommen til medarving Johannes Johannesen  
i 1950 for 6500 kr. Med i dette salg var også  
bnr 23 som gjekk ut frå bnr 6 i 1857 og som  
Martin Johannesen kjøpte i 1910 for 1000 kr.  
Eigedommen har 9 dekar dyrka mark.

*Moltemyr bnr 22.* Knud Osuldsen Solli<sup>18</sup>  
kjøpte i 1857 eit stykke av Børre Tobias Da-  
vidsen (bnr 15) for 100 spd og bygde der.  
Ved skifte etter første kona Anne Catrine Sy-  
vertsdtr Sandehaven blei han i 1862 utlagd  
eigedommen for 250 spd. Knud d i 1886 og enka  
Grethe Tellefsdtr sat så med eigedommen. I 1901  
gjekk eigedommen over til sonen Tellef Knudsen.  
Han kjøpte til bnr 75 i 1908 for 920 kr. og  
selde så i 1940 til sonen Tellef Knudsen for  
5000 kr. Samla skyld mk 0.15. Bruket har 15  
dekar dyrka mark.

*Gjerbryn bnr 24* av sk 2 øre gjekk ut frå  
bnr 6 i 1857. Halvor Bentsen fekk skj i 1862

for 50 spd. Blei seld av Halvor Bentsens enke i 1891 for 1100 kr. og har sidan hatt fleire eigarar. Halvor Røyland f 1908 i Lund, Rogaland kjøpte i 1945 for 6500 kr.

*Bakken bnr 25* av skyld 20 øre er gått ut frå bnr 6 og 7. Nils Haaversen gav i 1851 skj til Peder Ommundsen på «et jordstykke Bakke-moen», 4 sk for 45 spd. Gunhild Osuldsdr Bakken selde i 1858 «boets vaaningshus paa pl. Bakken» til Peder for 50 spd. I 1860 skj Anne Marie Jacobsdr, David Børresens enke, eit jordstykke Larshaven av skyld 4 sk til Peder Ommundsen Bakkens bu for 102 spd. Enka Ingeborg Osuldsdr selde i 1865 til Osul Berulvsen for 300 spd. Enka Gunhild Pedersdr selde i 1874 til Omund Christian Pedersen for 380 spd. Johan Ommundsen fekk auksjons-skj 1905 for 2500 kr. I 1909 gjekk eigedomen over til Tellef Olsen Bakken for 2700 kr. Olaf Tellefsen Bakken overtok i 1922 for 6000 kr.

#### *Sandkleiva.*

I 1684 er i eit skattemanntal nemnt Ole Skrædder Sandklefuen. Det er første gong me finn namnet Sandkleiva. Ole Sandklefen hadde ei dotter i 1691 og 92, men begge døde noen veker gamle. I 1693 er i skt.mt nemnt Jacob Sandklefen. Han hadde ei dotter Maren til dåpen i 1698. Jacob er på Sandkleiva i 1701, er 62 år. Fattig husmand, heiter det. Han har ein son Beruld, 8 år. Ein son Tellef tener på Tjore. Det er bare denne plassen som er nemnt i 1701. Niels Søffrensen er der i 1711. Han var på Aasen i 1701. Nils Nilssøn Sandklef g seg i 1717, Ingeborg Nilsdr i 1723 med Anders Olsen, gevorben soldat. Dei er på Sandkleiva i 1724, ein son Søren. I 1743 døde Henrich Christensen Sandkleven, 45 år, i 1745 Kirsten Olsdr *Sandklevmyren*, 70 år, i 1747 Else Madsdr *Wester Sandklev*, 70 år.

Det er nå tydelig at det er to plassar, vestre

og østre Sandkleiv (Sandkleivmyra?). Anders Andersøn Wester Sandkleiv gifter seg i 1750 med Torbor Andersdr Bakken. I 1756 har Torbiørn Taraldsen Sandklevmyren og Ane Knudsdr ein son til dåpen.

I 1758 er første gong nemnt Niels Terkelsen Sandklev og Helgie Nielsdr. Dei hadde ein son Gunnar til dåpen, men han døde året etter. Nils Terkelsen og Helgie Nilsdr er på Østre Sandkleiv i 1766. På samme tid er det på Vestre Sandkleiv også ein Nils Terkelsen. Han var gm Ragnhild Ommundsdr og var frå Bakken, sikkert nok son av Terkel Nilsen Bakken. Me veit ikkje meir om dei. I 1760 var broren Abraham Nilsen Bakken der. Dei hadde då ei dotter Kirsten. Dei flytta til Grømsstad. Me veit om det, for i 1827 er det politiforhør over «anholdt omstreifende qvindemenneske der kalder sig Kirsten Abrahamsdatter». Det er ho som fortel at dei budde på Sandkleiva i fem år. I dei siste 10—12 år har ho vandra rundt halve Agder, i alle bygder frå Høvåg til Hornnes, men mest i Landvik og «ernæret sig dels ved dagarbeid, dels ved betleri».

Nils Terkelsen på Østre Sandkleiva skreiv seg Niels Terchilsøn Landvig då han i 1738 vigde med Hellie Nielsdr Gammelhage. Me veit ikkje hvor dei budde dei første år, men borna kjenner me frå skifte etter Helgie<sup>19</sup> og ætt etter dei sit ennå på Sandkleiva.

Når det gjeld Sandkleiva, har det elles vore fleire nemningar, mest vestre og østre Sandkleven. Men i 1815 då dei skifter plassane, heiter det at Knud er brukar av Sandkleven, Niels av Sandklevmyren. Og han var soneson av Nils Terkelsen som tidligare er nemnt. Faren skreiv seg Terkil Nielsen Sandklevmyren då han gifta seg i 1769 med Guro Torjusdr Hørte, men Nils Terkelsen er i ft. 1801 ført opp under Østre Sandklev. Der er også då Knud Johnsen som i 1792 er brukar av Vestre Sandkleiv. I 1815 har me og Klomra med Sandkleivmoen

som blir brukt av Torjus (Torjus Knudsen Hørte).

*Sandkleiva bnr 26.* Sandkleivmyra var den største plassen under Landvig, 14 476 fv. etter oppgava i 1815, eller omlag 50 dekar. Denne plassen blei lagd til bnr 4. Plassen blei utskild 1862 til Nils Terkelsen, soneson til Nils som er nemnt i 1815. Fekk skyld 1½ ksk, men Nils Terkelsen fekk først skj i 1873 for 1650 spd. Matr.kom. 1867 fører opp at bruket har 36 mål dyrka mark, størstedelen myr, middels god. Bruket kan fø 2 kyr og 1 kvie, heiter det, men i 1875 har Nils Terkelsen hest, 3 kyr, 1 ungdyr og sår ca. 2½ tn korn og set 5 tn poter. Nils var båtbygger, som dei hadde vore alle forfedrene hans, frå den første Nils som var med og bygde den store skuta De 5 søstre som Christen Kjøbmand på Landvig bygde i Strandfjorden i 1756—57. Nils Terkelsen selde frå noen mindre stykke av eigedomen, m. a. «Vigmarken» til Viggo Ullmann i 1875 og 1880.

Nils Mathias Terkelsen var f i 1836 og d 1909, kona Inger Marie i 1915. Først i 1924 får sonen Terkel Nilsen f 1866 skj på eigedomen, men han hadde fått eigedomen i 1910. Prisen var 8000 kr. Med i denne handelen var bnr 123 av skyld 3 øre som Nils Terkelsen hadde kjøpt av Peder Hardebergs bruk i 1892 for 300 kr. Bnr 26 har skyld mk 1.25. Etter at Terkel var død, har enka hans, Olivia Sandklevan, sete med eigedomen, som har 30 dekar dyrka mark og 150 dekar produktiv skog. Sætehus bygd 1886, modernisert 1951, uthus 1915. Dessutan stolphus og båthus.

*Myra bnr 27* gjekk ut frå Aasen gnr 16 bnr 1 i 1862 med skyld 10 øre. Christian Jørgensen Aasen fekk dette stykket for 10 spd. Han selde til Torjus Hansen i 1867 for 300 spd og hadde vel då bygd der. Torjus Hansen selde i 1875 for 380 spd. Og sidan har eigedomen gått i fleire handlar. Olaf Kristiansen Myren kjøpte i 1933 for 3100 kr. Med i denne handelen

var bnr 102 av skyld 3 øre, gått ut frå bnr 16. Eigedomen er på 210 dekar og har 10 dekar dyrka jord. Resten er delvis produktiv skog. Laftebygd sætehus i 1½ høgd, ombygd 1948, gamalt uthus.

*Teglverket bnr 28* av skyld 2 øre gjekk ut frå bnr 7 i 1862. En tomt med lertag, heiter det då. Sakfører O. Klevenberg sat med eigedomen og selde i 1876 for 350 spd. I 1884 kjøpte Nils Olsen Gjømle på auksjon og fekk skj for kr. 379.20. I 1892 kjøpte Jørgen Knudsen Simonstad for 800 kr. Inga Pedersen, som var arving, fekk denne eigedomen i 1938 for 2800 kr. Med i handelen fylgde bnr 114 av skyld 2 øre som var gått ut frå bnr 4 i 1892 og bnr 163 av skyld 7 øre som Jørgen Knudsen hadde kjøpt av Terkel Sandkleiva i 1916 for 1000 kr. Inga Pedersen skj eigedomen over til sonen sagemester Jørgen Pedersen i 1946 for 4300 kr. Eigedomen har 6 dekar dyrka mark og litt skog. Nytt sætehus bygd 1948, nytt uthus 1955.

*Gjerbryn bnr 29* av skyld 2 sk gjekk ut frå bnr 7 i 1863 då Haaver Nilsen Landvig selde til Osuld Nilsen Gjerbrønden for 30 spd. Men Osul fekk først skj i 1909. I 1916 selde han til Ludv. Longum og Tellef T. Grøslø for 1000 kr. Dei selde same år for 1250 kr. Sidan har eigedomen gått i fleire handlar. Det er fråseld eit par parsellar. Sjøfør Erling Daland kjøpte i 1953 for 5000 kr. Eldre sætehus i 1½ høgd påbygd og modernisert 1955.

*Ringsdalen bnr 30.* Første mannen me kjenner til på plassen Ringsdalen er Nils Pedersen Ringsdal. I 1691 døde kona hans, Marite, 37 år gl. Han gifte seg oppatt med Torbør Nilsdtr eit par år etter. Nils er på Ringsdalen i 1701 og er då 50 år. Hadde sønene Jørgen 14 og Peder 1½ år. Nils døde i 1708, og same året kjem Hans Olsen til plassen. I 1722 er nemnt Torbiørn Ringsdal og i 1725 Jacob. Det er skifte etter Jacob Gundersen i 1744. Han

hadde ein son Gunder, 19 år, som var heime og ei dotter Inger som tente på Landvig. Buet hans var på 37 rd. netto. Det var lausøyre for ca. 24 rd, m. a. 2 kyr, 1 kvie og 2 sauer, 1 ver.

Inger Jacobsdtr gifte seg i 1745 med Michel Knudsen Guldsmeddalen og dei var på plassen noen år. Gunder gifte seg i 1751 og var der ei tid, men i 1755 er Kiddel Telleison og Anne Stiansdtr der. Han var skipsbygger. Både i 1757 og 1758 blir han stemna for retten for «at have skienket brendevin udi et barsel, derfor at lide dom med omkostninger». Kiddel blei frikjend. Det heile var at han hadde hatt litt til fadderane, men dei fekk ikkje meir enn ein pæl tilsaman vitnar Christen Hansen Holte som var fadder i 1758. Sjøl sa Kiddel at han aldri pla ha brennevin i huset, ikkje hadde han råd og ikkje brukte han det sjøl heller. Men han hadde kjøpt «en pæll til undertiden at give hans kone der var svag i barselseng». Og det var det som var til overs av denne pælen gjestene hadde fått!

I 1768 møter Kiddel Tellefsen Ringsdalen i retten saman med Simon Torgrimsen Refsvigen gm Aase Tellefsdtr, Ole Jensen Raanen gm Marthe Tellefsdtr og Ane Tellefsdtr, ug. Dei vitnar at ein bror Ole Tellefsen reiste til Holland for 15 år sidan. Nå hadde dei fått høyre at han var komen bort på sjøen for to år sidan. Han kalla seg Roelof Teünesz! Dei gjev Ole Kiærulf & Compagnie i Amsterdam fullmakt til å greie med arvesaka på beste måte.

I 1772 gifter Tellef Kiddelsen Ringsdalen seg med Malene Torsdtr Berg, men han flytter frå. I 1773 er det ein Nils Torolsen som er komen der. Hadde borna Torol 75, Kirsten 76, Peder 78 og Martha 80.

I 1781 fester Th. Fasting plassen til Lars Olsen. Han var visstnok komen frå Stømne. Han var gm Maren Torsdtr og dei hadde ei dotter Ane 1784. Ho blei gm Ole Hansen Holte og dei kom til Skoddet. Lars hadde

tenestgjente i 1792. Han brukte då Ringsdalen der avlinga blir oppgitt til 10 tn bygg. Poteter hadde dei ikkje. I 1786 hadde elles Fasting festa Ringsdalen og Sanden til Nicolai Schrøder, men denne festing må ha gått omatt, for Nicolai Schrøder blei buande i Resviga.

I 1804 fester Fasting plassen til Nils Christian Johnsen og kona for 6 rd året og arbeidspengar 1 ort 4 sk. Mor til Nils heitte Barbro Knudsdtr, men me veit ikkje hvor dei kom frå. Nils Christian var skomakar. Han var i 1806 gm Maren Gammelsdtr. Dei hadde sonen Jon til dåpen. Mellom fadderane var Gamel Bjelland (Øyestad?). Nils og Maren fekk 12 born. To av dei døde små. Nils Johnsen døde i 1857 — 83 år gl, Maren i 1858 — 76 år. Sønene høyrer me ikkje gjete, dei fór vel ut. Johanne Nilsdtr vigde i 1840 med Henrik Larsen Morholt, Grete same året med Aanon Terjesen Havstadkjær, Hellene i 1846 med Søren Osulsen Finsland og Inger Marie i 1860 med Nils Matias Terkildsen Sandkleven.

Noen år etter at den yngste av jentene hadde gifta seg, blir plassen seld. Ringsdalen høyrde til bnr 7 og Haaver Nilsen selde i 1864 til Ole Christensen for 500 spd. Det var 1½ ksk etter gl. skyld, ny skyld mk 0.94. Ringsdalen var i 1815 på 7019 fv. I 1867 var der 12 mål dyrka, almindelig god lerbund, heiter det. Blir karakterisert som tungbrukt, kan fø 1 ku og 1 kvie. I 1875 har Ole Kristensen 2 kyr og 4 sauer, sår 1¼ tn korn og set 2½ tn poteter.

Ole Kristensen var f i Landvik 1831 og var snekker og glasmester. Han var gm Berte Knudsdtr og dei hadde døtrene Ingeborg og Karen Gurine. Ole Kristensen står oppført som eigar i matr 1905, men det er ikkje tinglyst noe før i 1922 då Herlaug Jensen Repsten får skj av arvingane etter Gunvald Jensen Repsten for 2200 kr. I 1953 får Tellef T. Stie auksjonsskj for 6000 kr.

*Bryggesaa bnr 31* er opphavlig gått ut frå

bnr 4. Aanon Aanonsen Bryggesaa kjøpte av Nils Olsen Gjømle i 1891 for 350 kr. Arvingane hans selde i 1923 til Margit Hay for 3500 kr. Tobias Krosshøl kjøpte i 1952 for 8500 kr. Sætehus bygd 1895. Eignedomen er på 5 dekar.

*Bakken nordre bnr 32* selde Haaver Nilsen (bnr 7) i 1863 for 50 spd. Nils Salvesen kjøpte på auksjon i 1882 for kr. 387.80 etter at eit stykke var fråskild. Tomine Salvesen fekk eignedomen i 1831 for 5800 kr. Grimstad Sparebank overtok i 1937 og selde i 1939 for 4700 kr. til Valdemar Andersen. I 1942 fekk Tomine Salvesen odelsskj for 6000 kr. Etter at ein parsell var fråseld, selde ho 1956 til Thomas Eggen for 20 000 kr. Bnr 32 av skyld 5 øre har 6 dekar dyrka mark.

*Resvik bnr 33.* Hans Kristensen Holte (bnr 9) selde i 1864 til Bent Terkildsen for 50 spd. I 1866 kjøpte han bnr 50 frå bnr 4, også for 50 spd. Bent Terkildsen var frå Laudal, f 1824. Han sat med eignedomen til 1899 då Jon A. Imenes kjøpte for 1600 kr. Han selde i 1902 til Knut Knutsen Heia for 1450 kr. etter at ein parsell var fråskild. Enka etter Knud Knutsen, Ruby Moy Knutsen, selde i 1951 til svingerinna Teresie Ellefsen for 6000 kr. Eignedomen har 8 dekar dyrka mark og litt skog, eldre sætehus, uthus bygd 1900.

*Resvik bnr 34* er også gått ut frå bnr 9, Bakken. Ole Olsen gav skj til Thomas Andersen i 1863 for 170 spd ( $\frac{1}{24}$  ksk). Han kjøpte i 1866 eit stykke av bnr 4 for 50 spd (bnr 35). I matr. 1889 har desse eignedomane namnet Aspe (nr 33 heiter då Aspemoen). Thor Aanonsen Risvigen er eigar i 1897 og sel då til Oluf Jørgensen for 2000 kr. Gudmund Jørgensen (Resvik) fekk auksjonsskj i 1930 for 6600 kr. og selde i 1953 til Aslak Grøsle for 17 000 kr. Eignedomen har 9 dekar dyrka mark. Gamalt sætehus i  $1\frac{1}{2}$  høg.

*Resvik bnr 36* (Aspe) kjøpte Thomas Ander-

sen av Haaver Nilsen (bnr 1) i 1871 for 20 spd. I 1938 selde Anne Aanonsen Resvik som var einaste arving etter Thomas Andersen, bruket til Johan Arnt Hansen for 6000 kr. Han er f i Kristiansand 1892 og gm Bergitte Aanonsen. Eignedomen har 4 dekar dyrka mark. Sætehus bygd 1897, uthus 1939.

*Bakken bnr 37.* Haaver Nilsen (bnr 7) selde i 1864  $\frac{1}{24}$  ksk til Gulbrand Kittelsen for 100 spd. Ved sk etter foreldra overtok John Gulbrandsen i 1874. Han var f i Øyestad 1847, var sjømann og på reis til Ostindia i 1875. Same år kom han heim og gifte seg med Aase Madsdtr Tønnesøl. I 1882 fekk Svend Svendsen Støvne auksj.skj for 1200 kr. Svend Svendsen kjøpte også bnr 68 som var gått ut frå bnr 7 i 1873, for 200 kr. Svend var f på Flaa i Birkenes 1839 og gm Omine Marie Aagesdtr Holte i 1886. Han hadde vore gift før. Ein son, Jonas Svendsen Hardeberg f 1875 gifte seg i 1895 med Marte Torbjørnsdtr frå Eiken. Svend Bakken selde i 1920 til sonen Jonas Svendsen for 3640 kr. I 1937 overtok Terje Bakken, son til Jonas, for 5500 kr. Svend Svendsen Bakken var son til Svend Tellefsen Senumstad.

Frå 1953 er Aasulv Lonebu eigar (ikkje tinglest). Eignedomen har 4 dekar dyrka mark. Sætehus bygd 1872, uthus 1915.

*Gåsefoten bnr 39* ligg på Landviksletta mot Havstad. John Olsen kjøpte av Haaver Nilsen (bnr 7) i 1864 for 450 spd. John var f 1828 i Evje og hadde vore sagemester i Bjørkos. I 1875 er han oppført som gaardbruger og snekker. Han var gm Trine Knudsdtr, dotter av Knud Torjusen Jomfruplass (Hørteæ.). Sonen Ole Johnsen f 1855 fekk eignedomen i 1897 for 3250 kr. Hans son Gudmund Landvik f 1903 står i 1952 oppført som heimelshaver til eignedomen, verdi 12 000 kr. Gudmund Landvik bygde nye hus i 1952.

Gåsefoten hadde 11 mål dyrka mark i 1867

og kunne fø 1 ku. John hadde 2 kyr og 1 ungdyr i 1875, sette 2 tn poteter og sådde litt korn. Egedomen av skyld mk 1.24 (gl skyld  $1^{14}/_{24}$  ksk) har nå 15 dekar dyrka mark og 75 dekar produktiv skog.

*Landvig bnr 40.* Det gamle hovedbruket bnr 5 av skyld 1 hud blei som tidligare nemnt delt i 1863. Anders Nilsen fekk skj i 1869 på ca.  $3\frac{1}{3}$  ksk for 900 spd, nå bnr 40. Då Anders som var eldst overtok hovedbruket etter mora, gjekk trulig bnr 40 over til Johannes Nilsen f 1838 og gm Johanne Marie Jonasdr Molland. Han står oppført som eigar i matr 1889, men det er ikkje tinglest. I 1867 hadde egedomen 28 mål dyrka jord og kunne fø 1 hest og 1 ku. Anders hadde hest og 2 kyr i 1875.

Det er frå egedomen seld frå fleire stykke, det siste var bnr 141 av sk 30 øre som blei seld i 1902 for 1000 kr. Det høyrer nå til Ronneng. Restskyld mk 1.55. Egedomen har nå 16 dekar dyrka jord. Nye sætehus 1928, nye uthus 1929. Johannes Nilsen f 1885 overtok egedomen etter foreldra, men noen eiendomsoverdraging er ikkje tinglyst sidan 1869.

*Bnr 41 (Sandkleiva)* overtok Andreas Nilsen, bror til Anders Nilsen, ved skiftet i 1863 for 900 spd. Faren hadde kjøpt ein av Sandkleivplassane og Andreas budde der i 1875. Hadde hest, 2 kyr, 1 ungdyr og 2 sauer. Bruket var på 30 mål i 1867. Han gifta seg i 1864, same året som han overtok Sandkleiva, med Gusta Larsdr Nærebø. Dei hadde 8 born. Gusta fekk uskiftebevilling som enke i 1895. I 1899 selde ho til sonen Lars f 1872 for 4500 kr. Han selde i 1901 til Terkel Nilsen Sandkleiva for 4000 kr. Peder Mikkelsen kjøpte bruket i 1920 for 6500 kr. Då var m. a. fråskild Solvang bnr 144 som Vigmarken Ungdomslag fekk for 200 kr. Kasper Mikkelsen overtok 1939 for 9000 kr. Egedomen har skyld mk 1.38.

*Gjerbryn bnr 42* er slått saman av bnr 42

—43 og 95 Langebakken som alle er gått ut frå bnr 23 (sjå bnr 21). Knud Knudsen Klomra hadde egedomen frå 1864. Enka hans selde i 1909 til Kristen Aanonsen. Sonen Jonn M. Kristensen overtok i 1954 for 12 000 kr. Egedomen har 12 dekar dyrka mark og litt skog. Sætehus bygd 1875, uthus same år.


*Senumstad bnr 44.* Thor Olsen kjøpte eit stykke av bnr 23 i 1864 for 50 spd. Han selde til Knud Gundersen i 1868 for 100 spd. Tellef Knudsen, son hans, kjøpte i 1888 for 400 kr. og bygde då trulig der. I 1907 gjekk egedomen over til broren Edvard Knudsen Senumstad for 1800 kroner. Tellef var f i Birkenes 1853, Edvard 1858. Han var styrmann, g 1902 med Karen Marie Holm, dotter av Terje Pedersen Tolleholmen. Marie er oppført som eigar i 1947. Egedomen har 5 dekar dyrka mark.

*Finsdalsplassen bnr 45.* Mads Nilsen Helleland kjøpte frå bnr 43 i 1864 for 50 spd. Han selde i 1887 til Gunder Knudsen for 950 kr. Enka hans, Gunhild Knudsen Senumstad, selde i 1908 til Ole Jørgen Pedersen Liene for 1200 kr. Alida Nilsen overtok som arving i 1955. Namnet Finsdalsplassen står oppført i matr 1889 og i 1905.

*Solheim (Øvre Fjæringen) bnr 46.* Nils Terkelsen Sandkleiv kjøpte i 1864 (frå bnr 4). Selde i 1881 til Jens Christensen Opsahl (Imenes) for 2000 kr. Landvik kommune hadde egedomen frå 1910 til 1916 då Thomas Tellefsen Øie kjøpte for 2800 kr. Karen Øie selde i 1921 til John Larsen Moen for 6000 kr. Lars Johnsen overtok i 1954 for 4500 kr. Med i handelen var bnr 177 Solheim av skyld 3 øre som John Larsen hadde kjøpt frå bnr 6 i 1920 for 800 kr. Bnr 46 har 12 dekar dyrka mark, skyld mk 0.50. Sætehus bygd 1875, uthus 1925.

*Sandkleivmonen bnr 47* kjøpte Jens Opsahl av Nils Terkelsen for 300 kr. Magnus Kalvehagen kjøpte i 1915 denne parsellen, bnr 48





Landvig 1961 — i «Plastalderen». I mengd veksthus av plast på sletta mot Landvigvatnet.

Bakkesletten av skyld 5 øre og bnr 110 av skyld 1 øre for 930 kr.

Ronneng bnr 49 av skyld 13 øre selde Jørgen Olsen til Ole Jørgensen (Aasen) i 1869 for 120 spd. Karl Karlsen Liene overtok i 1886. Ole Kristian Olsen kjøpte i 1901 for 1600 kr. Sonen Oskar Kristian Olsen fekk egedomen i 1947 for 3000 kr. Bruket har 6 dekar dyrka mark.

Jørgen Olsen var oldefar til eigaren nå. Ei sonedotter var gm Ole Martin Knudsen Liene i Fjære. Det var sonen deira som kjøpte att Ronneng i 1901. Sjå Aasenæ. II.

Bakkesletta (Ospekjerret) bnr 52 gjekk ut frå bnr 9 Bakken i 1869 då Gunder Olsen kjøpte for 60 spd. Klemet Larsen overtok i 1874 for 485 spd. I 1905 kjøpte Gunleif Jensen for 2900 kr. John Gunleifsen og Gusta Gunleifsen overtok i 1938 for 4000 kr. Egedomen har 10 dekar dyrka mark og 50 dekar produktiv skog. Skyld mk 0.07. Eldre sætehus.

Holte bnr 53 kjøpte Torjus Hansen Holte av Jakob Davidsen (bnr 4) i 1869. Han bygde

der i 1875. Han kjøpte til eit lite stykke av Nils Terkelsen Sandkleiva, bnr 83. Hans Torjusen Holte selde i 1925 til Kittel Johnsen for 6000 kr. Konstanse Danielsen fekk egedomen ved testament i 1933 for 2000 kr. Egedomen har 4 dekar dyrka mark.

Roresand bnr 54 og 64. Bnr 54 gjekk ut frå bnr 31 i 1870. Sakfører Klevenberg selde til Anton Johannesen for 130 spd. Carl Andersen fekk auksjonsskj i 1875 for 215 spd og selde til J. Bang for 1200 kr. i 1877. Ellef Ellefsen Lillevand d.y. kjøpte i 1878 for same sumen. Samtidig kjøpte han bnr 64 som også Klevenberg hadde hatt, for 700 kr. Edvard Ellefsen overtok i 1918 for 1900 kr. og selde til Jens Torjusen Grøslø i 1946 for 8000 kr. Nytt sætehus bygd 1923. Egedomen har 4 dekar dyrka mark.

Sandkleivmonen bnr 55 selde Haaver Nilsen (bnr 7) i 1870 for 50 spd. Nils Sørensen fekk egedomen i 1878, Nils Jørgen Sørensen i 1908 for 2500 kr. Det var bygd 1903, modernisert i 1951. Sonesonen Nils Jørgen Sørensen

fekk utlagd eigedomen for 12 800 kr. i 1933, og selde same år til Tellef T. Stie for 15 000 kroner.

*Gjerbrynmyr bnr 56* kjøpte Hans Ommundsen, f 1824 i Eide, av Tellef og Rasmus Hardeberg (bnr 2) i 1870 for 100 spd. Bruket blei seld i 1891, men sonen Jens Tobias Hansen kjøpte att i 1909 for 1500 kr. Enka hans, Anne Serine, selde i 1919 til Andreas Gundersen for 10 000 kr. Iver Iversen Kappelslæn f 1898 i Nord-Fron kjøpte denne eigedom og Homedal bnr 10 i 1929 for 8000 kr. Eigedomen har 14 dekar dyrka mark og litt skog. Eldre sætehus, nytt uthus 1929.

*Roresand Sagbruk* har bnr 57, 58, 59, 60 og 125. Det var Knud Imenes og Jørgen Bang i Grimstad som kjøpte opp desse tuftene i 1870-åra. Nils Neset, Sigmund Vatne og Nils Imenes kjøpte av J. A. Gundersen i 1931 for 2000 kr. I 1938 fekk Neset og Imenes skj på skulestyrar Vatnes tridjepart for 2000 kr. Nils Imenes selde sin halvpart i 1947 til Nils Neset for 4750 kr. Nils Neset bygde på bnr 58, Sandehagen Lille i 1939.

*Landvik bnr 61—62 og 132.* Denne eigedomen er gått ut frå dei gamle hovedbruk bnr 5 og bnr 4. Andreas Nilsen som hadde fått ein del av bnr 5 (bnr 41) selde i 1872 eit stykke til broren Thomas Nilsen for 300 spd, ny skyld mk 0.86. I 1872 kjøpte han så bnr 62 som var skild ut frå bnr 4 for 600 spd. Skyld mk 1.22. I 1898 selde han av bnr 62 til Gustav Halvorsen Landvik, som året etter fekk skj på bnr 132 som han hadde kjøpt for 3800 kr. I 1907 fekk han så skj på bnr 61 og 62 for 1257 kr. Gustav Halvorsen var gm Johanne Kristine Andreasdr Havstad og var skipsførar. Margrethe Havstad<sup>20</sup> fekk eigedomen i 1952. Verdi 9000 kr. Areal 15 dekar dyrka mark. Sætehus bygd 1885, modernisert 1951, uthus 1885.

*Landvig bnr 63* av skyld 13 øre selde Peder og Rasmus Hardeberg frå bnr 7 for 50 spd.

Henning Aanonsen Groos kjøpte i 1873 for 180 spd. Edith Groos selde i 1938 til Magnus Kalvehagen for 800 kr.

*Resvik bnr 65* kjøpte Kristen Gassesen av Nils Terkelsen Sandkleiva i 1875 for 50 spd. Var utskild eit par år før. Kristen som var f i Laudal i 1836 bygde nok først i 70-åra. Han dreiv som kjørar og hadde hest i 1875. Enka etter Kristen selde i 1894 til Jens Kristensen Opsal (Imenes). Etter 1910 har eigedomen gått i fleire handlar. Knud Aanonsen Buvig kjøpte i 1915 for 3100 kr. og selde i 1920 til Jens Gunleifsen for 6000 kr. Jens kjøpte i 1927 bnr 67 av John B. Imenes for 500 kr. Sonen Haakon Gunleifsen overtok dei to bnr i 1950 for 9000 kr. på visse vilkår. Han selde i 1956 til Karl Johan Haaland for 11 000 kr. Eigedomen har 10 dekar dyrka mark.

*Resvik bnr 66* er som 65—67 gått ut frå bnr 26. Kristen Gunleifsen kjøpte i 1912 for 1715 kr. etter at eigedomen sidan 1875 var gått i fleire handlar. Sætehus i 2 høgder bygd i 1870-åra, uthus 1952. Areal 4 dekar dyrka mark.

*Kyrkjegarden bnr 71* av skyld 23 øre er gått ut frå bnr 7 og bnr 11 i 1873.

*Ronneng bnr 73* av skyld 3 ort 16 sk, ny skyld mk 1.29, selde Haaver Nilsen (bnr 1) i 1874 til Johannes Kristensen for 350 spd. Enka hans, Karen, selde i 1915 til Tjøstolv O. Tveit for 3500 kr. Han sat med eigedomen til 1919 og selde då til Halvor S. Hushovd for 12 000 kr. Laurits Matias Aanonsen Haaland kjøpte i 1925 for same sum. I 1950 gjekk eigedomen over til sonen Aanund Theodor Haaland. Øvre Ronneng av skyld 24 øre blei fråskild 1954, bnr 236 som broren Kaare Haaland fekk for 2500 kr.

Bnr 73 har nå skyld mk 1.05, har 18 dekar dyrka mark. Sætehus ombygd 1944, nytt uthus 1946.

*Roresand bnr 74* er gått ut frå bnr 31. Sak-

førar Klevenberg selde i 1874 til Ommund Vraalsen for 100 spd. Jørgen Bang fekk auk-sjonsskj i 1905 for 700 kr., men selde for 800 kr. i 1908. Sidan har eigedomen skifta eigar mange gonger. Journalist Ove Fedde kjøpte i 1945 for 3500 kr. og selde i 1955 til Ommund Knutsen for 10 500 kr. Eldre sætehus.

*Sandkleiva bnr 76* gjekk ut frå bnr 15 i 1874 då Børre Davidsen selde til Endre Terjesen for 50 spd. Syvert Andreassen Sandehaven hadde eigdomen frå 1882. Han kjøpte for 1500 kr. Då var nok bygd dei hus som nå står. Lars Johnsen kjøpte i 1900. I 1917 selde Marius Johnsen til A/S Grimstad Cementstøperi for 2000 kr.

*Vigmarken bnr 77* kjøpte Viggo Ullmann av Nils Terkelsen Sandkleiva i 1875 for 65 spd. Ullmann bygde sin folkehøgskole der året etter. Seinare var det amtsskole der. Landvik kommune kjøpte eigedomen i 1916, skj 1918 for 6150 kr. og brukte Vigmarken til kontor og til gamleheim. Frå 1954 framhaldsskole og skolekjøken.

*Roresand bnr 80* selde sakførar Klevenberg frå bnr 31 i 1878 til Ellef Ellefsen for 180 kr. Eigedomen har 6 dekar dyrka mark. Roresanden Handelsforening overtok i 1923 for 3000 kr. og selde i 1938 til Knut Antonsen for 3200 kr. Byggmester Kristian Sørensen kjøpte i 1950 for 8500 kr. Han moderniserte sætehuset same året.

*Landvigmonen bnr 81* gjekk ut frå bnr 55 i 1877. Lars Johnsen Gjerbrønden fekk skj i 1883 for 500 kr. Lars Taraldsen Løvjomås overtok i 1917 for 4000 kr. på nærare fastsette villkår. I salget var med bnr 98 Nyhaven som var gått ut frå bnr 6 i 1882. Eigedomen har 10 dekar dyrka mark og 15 dekar skog.

*Bnr 82* gjekk ut frå bnr 40 i 1877. Anders Nilsen selde til Kittel Johnsen eit stykke for 1600 kr. Eigar frå 1930 er Tobias Homstøl. Etter fråsal har eigedomen skyld mk 0.85.

*Roresanden bnr 84* selde Andreas Nilsen (bnr 41) i 1878 til Ole Johnsen for 400 kr. Skyldet blei 2 sk eller  $11095/259584$  ksk (!). Dei måtte vere goe til å rekne med brøk då, endå om denne ikkje er av dei største brøkane. Gar Hoskuldtsen kjøpte i 1885 for 1400 kr. Sidan har eigedomen vore i slekta. Gar Haakon Olsen overtok i 1941 for 5500 kr. og bnr 161 som var gått ut frå bnr 2 med skyld 4 øre. Eigedomen har 7 dekar dyrka mark. Sætehus bygd 1890, ombygd og modernisert 1953.

*Holte bnr 85* gjekk ut frå bnr 4 i 1878. Herman Andersen fekk skj i 1888 for 3600 kr. Han selde i 1895 til Martin Nilsen Sandkleiva for 4700 kr. Sonen Nils Sandkleiva fekk skj i 1946 for 10 800 kr. for denne eigedomen som har skyld mk 0.92 og bnr 105 av skyld 1 øre. Bruket har 30 dekar dyrka mark. Sætehus bygd 1878, modernisert 1900.

*Roresandbakken bnr 87* og Fjeldmannstykket bnr 86 er sidan 1897 ein eigedom. Marthe Aanonsdtr fekk skj på bnr 86 i 1878 for 500 kr. Ho blei gm Gunder Ellefsen frå Vegusdal og i matr 1889 står han som eigar av «Fjeldmandsstykket». Han selde til Børre Tellefsen Uldal i 1894 for 900 kr. Børre kjøpte bnr 87 Roresandbakken i 1897 for 350 kr. Det var seld av Klevenberg i 1878 for 500 kr., same året som han selde til Marthe Aanonsdtr. Børre selde i 1916 for 1080 kr. Sidan har bruket hatt fleire eigarar. Jernbanearbeidar Sverre Alfred Land frå Alvdal fekk eigedomen i 1950. Sætehus bygd 1880, påbygd og modernisert 1953. Areal 5 dekar dyrka mark.

*Lyngmo bnr 88* er også eit av dei mange stykke som blei utskild frå bnr 41 i 1878. Anders Sørensen kjøpte her i 1930 og bygde 1936. Sonen Trygve Sørensen fekk skj i 1942 for 4000 kr. Det fekk då namnet Lyngmo.

#### *Gangdalen.*

Den første mannen me finn nemnt i Gang-

dalen er Helge Gangdal som betalte husmannsskatt i 1684. Frå 1690 er Hans Jensen der, fattig husmand, gift, kan sy for bønder, heiter det i mt 1701. Han var då 56 år. Sonen Jens Hansen, 12 år, var heime. Hans var gm Anne Ellefsdtr Aagre. Gunild Hansdtr Gangdahl vigde i 1725 med Christen Hansen Valborgland. Gro Hansdtr gifta seg i 1731 med Gunder Nilsen Gamlehave, men han døde i Gangdalen 1734 — bare 26 år gl. Året før døde Hans Jensen — 85 år gl. Gro Hansdtr vigde i 1735 oppatt med Jørgen Andersen og dei overtok plassen.

Jørgen døde i 1777 — 70 år gl. Anne Ellefsdtr døde i 1741 — 79 år gl. Då levde bare dottera Gro. Det var ikkje noe å skifte etter Anne. Klæda ho hadde hatt, hadde ho gjeve til dotterborna.

I 1775 er Siver Tallachsen der. Kona heitte Anne Jensdtr og hadde ein bror Daniel Jensen Hougerød som møtte på skiftet etter Sjur i 1792. Dei sat godt i det i Gangdalen då. Det var lausøyre for 54 rd og ikkje gjeld. Buskapen var 2 kyr og 4 sauer. Ein kakelomn på 1 skpd blei verdsett for 5 rd. Dei hadde tenestjente, og på plassen sådde dei 1½ tn og avla 7 tn bygg. Dei hadde borna Jens 14 år, Tallak 10, Tergie 6 og Christoffer 3 år. Christoffer blei skomakar og flytta til Grømstad. Ane sat som enke i Gangdalen i 1801 med dei to minste borna. Jens festa plassen, men blei der bare noen år. Kona Anne Kistine Jensdtr døde i barsel i 1804 — 29 år gl. Jens gifta seg oppatt i 1807 med Anne Dorteia Mortensdtr frå Grømstad og flytta trulig dit, for Christen Ommundsen fester plassen same året. Veit ikkje hvem han var gm. I 1832 — han er då enkemann og 63 år — gifter han seg med Berthe Lavesdtr. Liene. Ho døde i 1837. Ved sk i 1838 var det lausøyre for 38 spd, men det var gjeld for 35 spd, m. a. 8 års leige til grunneigaren Nils Andersen Landvig 8 spd, og 15 spd i løn

til Torborg Lavesdtr for 5 års teneste. Buskapen var 1 ku, 1 kvie og 2 sauer. Christen gifta seg for 3. gong i 1843, han var då 74 år, med Maren Petersdtr Udjus, men dei flytta visstnok frå. Bent Elias Olsen og Gunborg Tellefsdtr var der i 1842, då dei hadde ei dotter til dåpen. Sidan finn me ikkje Gangdalen nemnt i kyrkjeboka. Og plassen blei då trulig nedlagd og lagd til hovedbruket.

Ved jordskiftet i 1815 er Gangdalen oppført med 7015 fv, eller omlag 25 dekar. Plassen blei lagd til bnr 5.

*Bnr 91.* Gangdalen blei fråskild hovedbruket i 1879 med ny skyld mk 0.92. Johannes Nilsen fekk i 1881 skj av broren Anders Nilsen for 1600 kr. Skipsfører Thomas Nilsen fekk aukasjonsskj i 1892 for 2300 kr. Han selde i 1899 til Ole Thorstensen for 1800 kr. Nils Gjerulsen kjøpte i 1904 for 2450 kr. Arvingane etter Nils Gjerulsen og kona selde i 1934 til medarving Herman Bjelland for 4000 kr.

*Sandkleiv bnr 92.* Same år som Gangdalen blei utskild frå bnr 5, i 1879, fekk Anton Laurits Gundersen kjøp på eit stykke av garden, Sandkleiva, for 2000 kr. Eignedomen gjekk i 1931 ved skj over til sonen Beint Gundersen f 1883. Bnr 92 av skyld mk 0.84 har 11 dekar dyrka mark. Gamle sætehus, uthus 1939.

*Klomra* var den minste plassen under Landvig i 1815, omlag 4900 fv. Det var også ein nyare plass, trulig tatt opp i 1770-åra. Første gong me finn namnet er 1777 då Aslak Anstensen Klomren, 17 år, blir konfirmert. Faren var Anstein Stenersen Skiftenes gm Ane Guttormsdtr Guneboli. Dei flytta mykje og var ikkje så lenge på Klomra. Plassen blei trulig nedlagd ei tid, for det var ikkje folk der i 1792 og 1801. I 1804 er det sk etter Helvig Taraldtr gm Nils Hansen. På pl. er då «1 firlaftet stue» verdsett for 15 rd. Dei hadde ei ku som blei sett i 8 rd og ein kakelomn i 5 rd. Nils Hansen døde same året. Husa blei då seld på

auksjon for 31 rd. Det heiter då at det er «1 sekslftet stuehus med hontag vurdert for 15 rd».

I 1823 er Halvor Knudsen, son til Knud Johnsen Sandkleiv komen til Klomra. Han var gm Anne Osulsdtr Monen. Halvor drukna i april 1831 — 36 år gl. Anne Osulsdtr budde i Klomra til sin død i 1861. Ein son, Osul, fór til Amerika i 1854.

I 1855 gifter Kristen Knudsen Klomren seg med Trine Lovise Terjesdtr Havstadkjær og dei kjem til Klomra. Kristen var brorson til Halvor. Kristen og Trine hadde ei dotter Sophie Christine Teresia f 1858. Ho blei gm styrmann Knud Aslaksen Haugland. I 1912 blir det tinglese testament der Kristen Knudsen Klomra gjev dottera Sophie Christine Teresia Haugland eigedomen som særeige. Sonen Johan Haugland f 1883, får eigedomen i 1946 for 8000 kr.

Kristen Knudsen er oppført som vognmann i 1875. Han driv med lastekjøring til Grimstad. Hadde hest og ku. I 1879 fekk han kjøp på plassen for 2000 kr. Gjekk ut frå bnr 6 og 15. Skyld 10 øre. Det høyrer til 10 dekar dyrka mark. Bnr 94.

*Roresand bnr 96.* Syvert Olsen kjøpte av Daniel Davidsen Landvig bnr 6 i 1880 for 200 kr., skylddelt året før. Eigedomen har hatt mange eigarar og det er fråskild fleire tomter. Peder Hardeberg og Osul Hørte kjøpte i 1913 for 1700 kr. Martha Valbeland fekk eigedomen ved skifte etter Peder Hardeberg og kona i 1946 for 3000 kr. Sætehus som er bygd i slutten av 70-åra modernisert 1948. Kristian Risbruna kjøpte i 1954, men selde året etter til Gudmund J. Resvik for det same som han hadde gitt, 12 000 kr. Det høyrer 3 dekar dyrka mark til eigedomen.

*Vonheim bnr 100* gjekk ut frå bnr 5 i 1885. Karl Jørgensen kjøpte for 40 kr. og bygde same året. Tomas Sørensen fekk auksjonsskj i 1926

for 2475 kr. Han selde til sjåfør Jon Gusdal i 1947 for 6500 kr.

*Folkestad bnr 101* er gått ut frå bnr 9 Bakken. Hans Bakken kjøpte i 1885 for 100 kr., selde i 1898 til jordmor Tobine Johansen for 1100 kr. Margrethe Imenes kjøpte i 1926 for 7700 kr. I 1940 er Berta Imenes eigar iflg. testamente. Verdi 4200 kr.

*Landvikmyra bnr 103* fekk Aanon Anstensen skj på i 1886 for 264 kr. Er gått ut frå bnr 16. Aanon selde til Adolf Olsen i 1896 for 600 kr. Olivia Horrisland gm skomakar Anders Olsen Horrisland frå Øvrebø, kjøpte eigedomen i 1926 for 3300 kroner. Bnr 103 har 5 dekar jord, skyld 7 øre.

*Stormonen bnr 104* blei skild ut frå bnr 15 i 1885. Anne Birgit Andersdtr fekk skj i 1887 for 950 kr. I 1891 overtok sonen Anders Evenesen Gjerbrønden for 1300 kr. Han selde året etter til Gunder Ellefsen for 1400 kr. Gerhard Johnsen overtok i 1902 for 1450 kr. og selde i 1955 til Selmer Knubedal for 18 000 kr. Stormoen av skyld 5 øre har 15 dekar dyrka mark. Eldre sætehus, påbygd 1922, nytt uthus 1924.

*Stensrød bnr 106* av skyld 5 øre gjekk ut frå bnr 15 i 1888. Oluf Hansen kjøpte for 400 kr. Olivia Olufsen selde i 1916 til Ludvig Longum og Tellef Grøslø for 2000 kr. Dei selde same året til Ole Olsen Sønningen for 2500 kr. Frå 1917 har eigedomen hatt mange eigarar. Gunnar A. Rosaasen frå Herefoss fekk auksjonsskj i 1930 for 4000 kr. Eigedomen har 4 dekar dyrka mark.

*Birkeland bnr 107* av skyld 5 øre gjekk ut frå bnr 2 i 1890 då Andreas Gundersen Birkeland kjøpte for 940 kr. Andreas Gundersen blei som enkemann utlagd eigedomen i 1896 for 3000 kr. Peder T. Hardeberg fekk auksjonsskj i 1896 for 2000 kr., men Andreas kjøpte att i 1904 for 2500 kr. Henning Andreassen overtok i 1911 for 2700 kr., Andreas

Gundersen i 1925 for 2250 kr. Gusta Hansen Aagre fekk auksjonsskj i 1940 for 4050 kr. Sætehus modernisert 1942. Jens Aagre blei som enkemann utlagd eigedomen i 1953 for 12 000 kr. Bruket har 10 dekar dyrka mark.

*Krokene bnr 108* kjøpte Johan Knudsen frå bnr 2 i 1894 for 800 kr., skyld 4 øre. Sofie Knudsen Krogene selde til Henrik Caspersen i 1919 for 10 000 kr. Han selde i 1921 til Anne O. Oveland for 14 000 kr., men ho selde i 1925 til Alfred Torjussen for 11 000 kr. Krokene har 15 dekar dyrka mark og 60 dekar produktiv skog. Sætehus bygd 1895, modernisert 1946. Nytt uthus 1930. Alfred Torjussen har også bnr 119 Aasland av skyld 10 øre som han kjøpte i 1933 for 2000 kr. Er gått ut frå bnr 2.

*Skoland bnr 109* kjøpte Andreas Pedersen Skoland i 1903 for 340 kr. Gjekk ut frå bnr 2. I handelen var med bnr 130. Alfred Skoland overtok i 1929 for 3000 kr. Han selde i 1931 til Søren O. Birkaas for 4000 kr. Dottera Gudrun Bjørkaas overtok i 1946 for 6000 kr. Eldre sætehus, modernisert 1948.

*Ronneng bnr 112* blei skild ut frå bnr 4 i 1887 med skyld mk 1.63. Martin Jacobsen kjøpte i 1890 for 2500 kr. Henning Gitmark overtok i 1903 for 5000 kr., Tellef T. Grøsle i 1911 for 7150 kr. Tellef T. Grøsle som også hadde fått bnr 1 etter sin far, skilde i 1918 frå Roshaven bnr 175 av skyld mk 1.54 frå denne eigedomen og selde til Terje T. Grøsle for 19 500 kr. Trygve T. Grøsle overtok i 1934 for 15 500 kr. Ronneng har 40 dekar dyrka mark og 50 dekar produktiv skog. Sætehus bygd i slutten av 80-åra, ombygd 1942, modernisert 1951. Nytt uthus 1937.

*Ronneng bnr 113* er også gått ut frå bnr 4 i 1887. Karoline Olesen Ronneng fekk skj i 1892 for 200 kr. Marius Imenes kjøpte i 1917 for 2850 kr. og selde i 1920 til Kristian Nilsen

for 6500 kr. Maren Danielsen kjøpte i 1936 for 2500 kr.

*Nergaard bnr 116* blei skild ut frå bnr 5 i 1889. Jørgen Kristensen fekk skj i 1891 for 120 kr. Anton Evensen overtok i 1893 for 1200 kr. Ragna S. Helleland og Marie S. Helleland kjøpte i 1939 for 3800 kr. Ragna overtok heile eigedomen i 1946. Det høyrer til 5 dekar dyrka mark.

*Løkka bnr 120* gjekk ut frå bnr 31 i 1885. August Palle bygde der. Han fekk skj i 1902 for 200 kr. Sidan har det vore mange eigarar. Tellef Stie kjøpte i 1938 for 700 kr. og selde i 1953 til Anton Svendsen frå Herefoss for 3000 kr. Sætehuset påbygd same år.

*Kamperhaug bnr 122* er også gått ut frå bnr 31. Gerhard Johnsen fekk skj i 1891 for 400 kr. Johan Matiassen Skau hadde eigedomen noen år, men Gerhard Johnsen fekk han att 1899 og selde i 1902 til Aanon Syvertsen Rosholt for 1200 kr. A. P. Rindal fekk auksjonsskj i 1909 for 1000 kr. Landvik kommune overtok i 1939 for 2929 kr. Eldre hus, 4 dekar dyrka mark.

*Bakkesletta bnr 131* gjekk ut frå bnr 9 Bakken i 1897. Øven Jensen kjøpte for 250 kr. Knut Øvensen overtok som einaste arving og selde i 1946 til Ingeborg Hunsdal for 8000 kr. Det er eldre sæte- og uthus på eigedomen som har 2—3 mål dyrka mark.

*Rosesand bnr 133*. Tellef Olsen kjøpte av Peder T. Hardeberg (bnr 2) i 1898 for 269 kr. Han selde 1913 denne eigedomen og bnr 146 Kittelsaa som var gått ut frå bnr 84 i 1903 til Tobias Torgrimsen for 1400 kr. Edith Mikkelsen overtok i 1933 for 1500 kr. Sigurd Rikard Torgrimsen kjøpte i 1955 for 6000 kr. og selde same år til sjåfør Petter Sørensen for 8000 kr. Eigedomen er på 4 dekar. Eldre hus.

*Augland bnr 134* kjøpte Herman Pedersen i 1899 for 475 kr. Gjekk ut frå bnr 15. Knut

O. Hamkull fekk auksjonsskj i 1918 for 2200 kr. Han skilde frå bnr 179, men Hans Amundsen Skaare kjøpte begge bnr i 1921 for 4350 kr. Blei seld på auksjon i 1926 for 3500 kr. Sidan har det vore fleire eigarar. Aleksandra Aanonsen (Kristensen) f i Holt 1914 fekk auksjonsskj i 1950 for 2500 kr. Egedomen har 4 dekar dyrka mark. Sætehus bygd 1890.

*Bakken bnr 135.* Lars Næss kjøpte av Kristian Olsen Bakken (bnr 9) i 1899 for 225 kr. og han bygde der. Han kjøpte også eit par parsellar til, bnr 176 og 180. Emil Næss og Lilly Næss fekk 1945 skj frå medarvingane på deira part for 4250 kr. Sætehuset ombygd 1953. Egedomen har 6 dekar dyrka mark. Sætehus og uthus bygd 1900.

*Landvik bnr 137* av skyld mk 0.60 selde Peder Hardeberg (bnr 2) til Tellef Olsen Landvig i 1903 for 4500 kr. Sætehus bygd ikr. 1880, ombygd 1948. Egedomen har 7 dekar dyrka mark.

*Rondelia bnr 138.* Karl Kristiansen kjøpte grunnen av Matias T. Ronden i 1912 for 400 kr. Rondelia var tidligare plass. Året etter kjøpte han husa av faren Kristian Syvertsen Ronnen for 1500 kr. Søstersonen Kristian Storenes overtok i 1946 for 4100 kr. Han selde i 1954 til Torleif Pedersen for 12 000 kr., som året etter selde til Sigurd Torgrimsen for 15 000 kr. Rondelia har 6 dekar dyrka mark og 10 dekar skog.

*Høgvold bnr 142.* Jonn A. Imenes som hadde kjøpt bnr 33 Bakken skilde ut denne egedomen og selde i 1902 til Alida Bentsen Skiftenes for 300 kr. Alida bygde der same år, påbygd 1950.

*Enge bnr 143* er gått ut frå bnr 41. Olivia Johansen Haaland fekk skj i 1906 for 650 kr. Ingeborg Klemetsen (Enge) kjøpte i 1927 for 2900 kr. Sætehus bygd i 1880-åra, modernisert 1953.

*Bakken bnr 147* er gått ut frå bnr 99. Fred-

rik Fredriksen frå Eiken fekk skj 1916 for 650 kr.

*Landvig bnr 148.* Jørgen Bang som hadde bnr 57 selde denne egedomen i 1904 til Gusta Nilsen Landvig for 1000 kr. Det var bygd der i 1870. Anders Sørensen fekk skj av Thomas Sørensen i 1920 for 4000 kr. Anders Sørensen skj i 1949 egedomen over til dottera Mary Floer Evensen for 8000 kr.

*Nergaard bnr 151 og 197* (Homstøl). Bnr. 151 blei utskild frå bnr 116. Tellef Tellefsen fekk auksjonsskj i 1906 for 200 kr. I 1947 skj Landvik kommune over til snekker Hans S. Helleland for 300 kr. Han kjøpte samtidig bnr 197 Homstøl som var gått ut frå bnr 82. Bygde same år. I 1954 selde han bnr 197 for 500 kr. til Hartvig Fennefoss som i 1955 selde til Alfred Pedersen for 11 500 kr.

*Slettan bnr 158.* Torjus Knudsen Buvigen fekk skj i 1912 for 150 kr. Gjekk ut frå eit stykke som Jørgen Gunerius Olsen hadde kjøpt av Daniel Landvig og Ole Ringsdal i 1888. Eigiar frå 1930 er Ingeborg Torjussen (ikkje tingl.). Egedomen har 4 dekar dyrka mark. Nytt uthus 1933.

*Opstad bnr 159* av skyld mk 0.50 selde Peder Hardeberg (bnr 2) i 1909 til Alfred Ahlin for 1100 kr. Sjø Hommedal bnr 8.

*Rosesand bnr 164* (Bua). Peder T. Hardeberg kjøpte av Elias Didriksen i 1911 for 100 kr. Samtidig kjøpte han bnr 165 Trekanten av J. Bang for 150 kr. Gudmund J. Resvik kjøpte i 1939 for 14 000 kr. Det blei bygd her i 1908. Kjøpmann Gudmund Resvik bygde på i 1946. Hovedbygningen er på 250 m<sup>2</sup> og har 15 rom.

*Bakken østre bnr 167* er gått ut frå bnr 9. Olav Olsen Bakken fekk skj i 1913 av Kristian Olsen Bakken for 2600 kr. Skyld mk 0.20. Egedomen har 30 dekar dyrka mark og 85 dekar produktiv skog. Eldre sætehus, ombygd og modernisert 1943. Bakken har vore slekts-

eige sidan 1839. Son til Olav Bakken, Trygve Bakken, har bygd seg hus på eigedomen (i 1952).

*Birkelund bnr 170* er gått ut frå Ringsdalen bnr 30. Tomine Olsen Ringsdalen (Birkelund) fekk eigedomen i 1914 for 225 kr. Gunvald Repsten kjøpte i 1920 for 1500 kr. Sætehus bygd same år. I 1922 fekk han bnr 184 Birkelund av skyld 12 øre for 750 kr. Herlaug Jensen Rebsten fekk eigedomen året etter. Nils K. Haabesland m. fl. fekk auksjonsskj i 1934 for 3635 kr. Eigedomen blei i 1953 seld til Georg Risbruna for 6000 kr. Birkelund har 6 dekar dyrka mark og litt skog.

*Solbakken bnr 171* gjekk ut frå bnr 15 i 1923. B. K. Imenes selde til Godtfred Kristiansen for 40 kr. Barbro Knutsen kjøpte i 1930 for 1000 kr. og selde eit par år etter til Andreas Larsen for 1500 kr. Han selde i 1938 til Gulogna Olsen.

*Moen bnr 173* er gått ut frå bnr 81. Grimstad kommune kjøpte denne eigedomen av Marius Johnsen i 1932 for 2450 kr.

*Heia bnr 174*. Kristen Stalleland selde denne eigedomen i 1918 til Hans Olsen for 2000 kr. Er gått ut frå bnr 119. Hans Olsen selde same året til Wilhelm Galdal for 5000 kr., og han selde, også same året, til Kristen Andersen for 7000 kr. Neste år kjøpte Alv Olsen Røili for 7800 kr. I 1942 gav han skj til dottera Ingeborg Fossnes og svigerson Olaf Fossnes for 2640 kr. Heia har 5 dekar dyrka mark og 30 dekar skog. Gamalt sætehus modernisert 1953.

*Rosesand bnr 185* er gått ut frå bnr 21. Martin Johannesen selde i 1922 til snekker Peder Sørensen som bygde der. Eigedomen har eit par dekar dyrka mark. Uthus bygd 1947.

*Resvik Bedehustomt* bnr 187 selde John B. Imenes til Resvik Bedehus i 1927 for 800 kr.

*Resvik bnr 190*. Thora Olsen fekk skj frå John B. Imenes i 1927 for 2800 kr. Sætehus

bygd i 1870-åra. Er gått ut frå bnr 67. Søren Bie Imenes kjøpte i 1956 for 1200 kr.

### *Ringskleiva*

var ein av dei største plassane under Landvig, 9103 fv i 1815. Plassen var gamal. Jens Christensen som var husmann under Landvig i 1664 sat trulig på Ringskleiva. Bertel Jensen Ringskleiv døde i 1696 — 64 år gl. Kona heitte Kari Aagesdr. Ved sk i 1696 hadde dei borna Aage som tente på Landvig, Christen 19 år, var hos Anders Grøm, Henrik og Nils, 14 og 13 år tente hos Kirsten Mogensdr i Grømsstad. Søren 11 år og dottera Kirsti 21 år, var heime.

Dei sat nok etter måten godt i det Bertel og Kari. Buskapen var tri kyr (a 3 rd), 1 kvie, 1 liten stut, 3 sauer og 3 lam. Og dei åtte det dei hadde. Utanom buskapen var det ikkje så mykje. Her er alt som blei registrert: Messing: 1 lysestage. Jern: 1 liden hængryde, 1 lang (?) ditto, 1 buløx, 1 bindøx, 1 naver, 1 skarpøx, 1 stiksag, 1 handøx, 2 sveivebaar, 2 smaa høvler, 1 hakke noget sønder. Sengeklæder: 1 vadmelsunderdyne med fyld (2½ rd), 1 blaaranned hovedpude med wær udenpaa, 1 striepude, 1 ditto, 1 gl bolster ditto, 1 løssings sengeklæde (1½ rd), 1 sengeteppe, 1 flonels hynde, 1 skindbleie. Linklæder: 1 par gl strielagen (½ rd), 1 ringvæved borddug, 1 striehaandklæde.

Gangklæder: 1 sort klædestrøye og buxer (2½ rd).

Kop og Kiørel: 3 ort.

I alt var det lausøyre for 33 rd. Det var gjeld 4 rd til jorddrotten, men skattane var betalt.

Karen Aagesdr sat som brukar i 1701. Då var sonen Aage heime. Men han blir ikkje på Ringskleiv. Karen Aagesdr døde 71 år gl i 1704, og Aage reiser frå. Det er ein som heiter Knud Ringsklev som har ein son til dåpen i 1710. Skoskatten 1711 nemner Knud, 3 personar. Meir veit me ikkje om han. Ane Knudsdr Ringsklev vigjer i 1719 med Tallac Sifuersøn Voxdahl av Vegusdahl.

Den neste me finn på Ringskleiv er Salve Tostensen som i 1743 er likna for 25 rd. Han var smed og laut betale koppeskatt. Faren var



Tosten Biørnsen og mora Dorte Guttormsdrtr som døde i 1756 — 84 år gl. Tosten Ringsklev døde i 1766 — 92 år gl. Dei hadde borna Salve, Gunild og Helgie. Salve gifte seg i 1747 og flytta til Bringsværmoen. Han var død ved sk etter mora i 1757. Helgie som då var 47 år gifte seg med Anders Pedersen Tveiten frå Hf. Dortha Ringsklev og Ragnild Tveiten, mor til Anders var søskenbarn. Gunild Tostensdrtr døde i 1763 — 58 år gl. Guttorm Tostensen døde i 1755 — 49 år gl.

Tosten var nok ein tilflyttar. Han hadde «1 skouvstøkke kjøbt fra Miaavatten» som blei verdsett for 7½ rd. Og lausøyre for 42½ rd. Men det var fleire gjeldspostar. M. a. får dottera Helgie 20 rd «fordi hun all sin tid har gaaet hjemme hos forældrene og igiennemgaaet megen besværighed». På plassen hadde dei då 4 kyr, 1 kvie, 6 sauer og 4 geiter og hest. Han var rettnok gamal, verdsett for 2 rd. Men det var mange gardar som hadde mindre enn det av buskap.

Anders og Helgie var på Ringskleiva i 1766, men så høyrer me ikkje meir om dei. Det var ein som heitte Kiddel Tellefsen som kom der. Dottera Maren Kittelsdrtr Ringsklev vigde i 1783 med Salve Knudsen Hyrthe og dei og seinare sonen Salve blei sittande på Ringsklev.<sup>22</sup> Kittel og kona gav seg i 1785 i follaug til Salve og overdro han bruken av plassen. I 1786 feste så Salve Knudsen Hyrthe «halvparten i en plads under d. g. kaldet Ringskleven og engestykke Stoverhus».

Salve døde i 1790 — bare 32 år gl. Sonen Salve blei fødd seinare på året. Ved sk hadde dei lausøyre for 120 rd og hus som var sett i 70 rd. Sætehuset var stove med kjøken og kammers. Det var også stolphus og eit bryggerhus. Buskapen var 3 kyr og 8 sauer.

Maren gifte seg oppatt med Torbjørn Knudsen Gusdal. Han døde i 1812 — 52 år gl, Maren i 1815 — 56 år gl.

På Ringsklev sådde dei i 1792: ¼ tn rug, avla ½ tn, 2 tn bygg (12 tn) og ¼ tn poteter (1 tn).

Salve overtok Ringsklev etter mora. Han døde i 1849, og kona Siri Christoffersdrtr i 1851. Sonen Salve gifte seg i 1846 og flytta til Støle. Nå kjem det nye folk til Ringskleiva. Henning Tobias Jensen er der frå 1863. Han døde i 1870 — 36 år gl, og var nok den siste husmannen på Ringsklev. Det er ikkje folk der i 1875. Plassen blir lagt under garden bnr 2 som hadde fått Ringsdalen og Havstadkjerr ved skiftet i 1815.

*Bnr 192.* Ringsklev blir utskild frå bnr 2 med skyld mk 1.74 i 1932 då Peder T. Hardeberg gjev skj til Kristian Thomassen Haaland og kona Aase Helene for 5320 kr. I 1946 fekk Helene Haaland ved arveskifte etter foreldra Peder og Torborg Hardeberg bnr 205 Vomfjellheia og Staurhus av skyld mk 0.75 for 1800 kr. Gjekk ut frå bnr 194 Søndleskogene som var utskild frå bnr 2. Helene og Kristian Haaland selde begge bnr i 1956 til sonen Torleiv Haaland for 12 800 kr.

*Havstadkjerr og Jomfruplassen (bnr 193).* Dette var nyare plassar under Landvig. Den første eg har funne der er Simon Havstadkiæret som i 1795 blir dømt til å betale 10 rd til Ole Møglestues dødsbu. Det er mogeleg at dette var Havstadkjerr under Havstad. Det er ikkje folk i Havstadkjerr i 1801. I 1815: Havstadkjer 9103 fv, bruges av Terje. Det var Terje Nilsen som budde der. I 1809 er Terje Nilsen Havstadkjerr vurderingsmann ved eit sk på Aagre, så han er komen til plassen då. Han budde vel på Ringsmoen til 1819. Terje var skipstømmermann. Han døde i 1844 — 66 år gl. Sonen Tønnes Terjesen Havstadkjerr flytta til Fjære i 1856. Det er det siste me høyrer om folk på denne plassen som låg under bnr 2.

Knut Torjusen (Hørteæ.) feste Jomfruplassen i 1821 for 4 spd til året. Han døde i 1860

— 74 år gl. Han er kalla Knud Torjusen Jomfruplass i 1818 og var då korporal. Plassen blei nok nedlagd då Knud døde og festet gjekk ut. Det er ikkje folk der i 1875. Også denne plassen låg under bnr 2.

I 1932 blir Havstadkjerr og Jomfruplass utskild med skyld mk 1.54. Peder T. Hardeberg selde til svigersonen Leiv Teodor Moen for 5050 kr. Fekk bnr 193.

*Gamletomta bnr 195* er tidligare nemnt. Det var der det gamle Landvighuset stod. Magne Stie kjøpte tomte av Osul Ronden i 1934 for 600 kr. og bygde der sætehus og butikk i 1937.

*Lynghei bnr 199* selde Magnus Kalvehagen (bnr 12) til Gustav Hansen i 1936 for 200 kr. Bertha Hansen fekk utlagd egedomen for 9000 kr. ved sk etter mannen i 1955.

*Lia bnr 200* kjøpte banearbeidar Ole Lien frå Vågåmo i 1939 av Lars Larsen (bnr 93) for 600 kr. Bygde der same år.

*Skjelbrei bnr 201*. Martin Johannesen (bnr 23) selde til Nils Neresen i 1939 for 500 kr. Eldre sætehus modernisert 1951.

*Vestreskogen bnr 204* av skyld 30 øre er gått ut frå bnr 16. Olaf T. Sandkleven selde til mora Olivia Sandkleven i 1944 for 1000 kr.

*Brekne bnr 207—208* er gått ut frå bnr 97 og bnr 120. Lastebileigar Gunnar Gunleifsen kjøpte i 1946 og bygde same år.

*Solheim bnr 209* kjøpte snekker Torleif Pedersen av Landvik kommune (bnr 151) i 1946 for 300 kr. og bygde same året. Han selde til Magne Gusdal i 1954 for 26 000 kr.

*Bakketun bnr 210* er gått ut frå bnr 109 og 130. Gudrun Doverdock (Bjørkås) gav i 1946 skj til lastebileigar Haakon Nygaard frå Tveit for 1950 kr. Han bygde 1947.

*Furulund bnr 212*. Marie Senumstad (bnr 89) selde til byggmester Klemmet Sørensen i 1947 for 800 kr. Han bygde i 1948.

*Høgmo bnr 213* av skyld 1 øre selde Mag-

nus Kalvehagen frå bnr 118 til Landvik kommune i 1947 for 4500 kr.

*Minnesmerkeplassen* har bnr 214. Osul Ronden skj til Landvik kommune i 1947 for 100 kroner.

*Loneholla bnr 219* selde Olav K. Bakken til Syvert Bakken for 7000 kr. i 1951. Gjekk ut frå bnr 99.

*Lynghaug bnr 221* kjøpte Peder Hellingen av Marie Senumstad (bnr 44) i 1953 for 1000 kr. Bygde der same året.

*Av seinare utskilde parsellar* nemner me:

*Leirvang bnr 22* kjøpte Henry Olsen av Marte Ørte-land i 1953 for 1500 kr. *Norheim bnr 224* kjøpte Ingvald Andersen av Magnus Kalvehagen i 1953 for 1200 kr. Magnus Kalvehagen selde same år *Sørheim bnr 227* til Olaf B. Hellingen for 1440 kr., og i 1954 *Midtbo bnr 232* til Landvik Sparebank for 5731 kr. *Sandstykket bnr 226* kjøpte Sigrun Ølnes av Olav Kristiansen Myren i 1953 for 3000 kr. Selde året etter til Hans Hansen. *Rosesand bnr 235* kjøpte Per Igland av Tellef Stie i 1954 for 3000 kr.

#### Plassane

under Landvig er nemnt, dei fleste av dei, men det er eit par plassnamn som me ikkje kan stedfeste. På plassen *Gammelhave* sat ein Anders Hagensen i 1701. Me finn namnet noen gonger fram til 1770-åra. Gunder Nilsen Gammelhave gifter seg i 1731 med Gro Hansdtr Gangdalen. Sjå Gangdalen. Og Hellie Nilsdtr Gammelhave som i 1738 vigjer med Nils Terchelsen Landvig blir stammor til Sandkleiv-ætta. Gammelhave var ingen liten plass. Det ser me av eit skifte i 1749. Då hadde dei 2 kyr, 4 geiter og 2 sauer. Det var kona til Peder Johnsen det var sk etter. Peder døde i 1772 — 74 år gl, og det er siste gong me finn folk nemnt der. Plassen må vel ha lege ikkje så langt frå Gangdalen, for i 1786 ser me at Th. Fasting fester pl. Gangdalen og Gammelhave til Syvert Tallaksen. Det er siste gong eg har funne Gammelhave nemnt.

*Gjeidaasen* eller *Giederaasen* finn me nemnt i 1737 då Ole Aanonsen Giederaasen gifte seg. Det er trulig at namnet har hatt genitivforma *Gjeidaråsen*. Namnet er elles skreve på mange måtar.

Ole Aanonsen døde i 1743. Gunhild Olsdtr Giederaas som døde 77 år gl i 1722 var vel trulig mor hans, så plassen er vel tatt opp først på 1700-tallet. Magnhild Aanonsdtr, enka etter Ole Aanonsen, gifte seg oppatt med Ole Olsen Tingvoll. Dei budde i *Gjeidaraasen*. Ole blei utsagd frå plassen av Christen Kjøbmand i 1753. Saka kjem for retten i 1754. Ole byr seg til å betale 2 rd 1 ort, men Christen Kjøbmand krev 5 rd som han har tilgode og dessutan 9 rd i sakskostnad, men det blir likevel forlik om 8 rd, og Ole skal då flytte til «næstanstundende paaske». Det blei visst ikkje noe av flyttinga. Ole Olsen Giederaas døde i 1755 — 82 år gl. Men det var ein Ole Olsen, trulig sonen, som i 1760 vigde med Siri Omundsdtr Holtebo. Siri døde same året, Ole i 1763 — 56 år gl. I 1766 er Anstein Stenersen Skiftenes der. Flytta til Klomra. I åra 1785 —87 er nemnt Anders Gederaass og Siri Bentsdtr. I 1792 Nils Hansen som bur der med kone og dotter. Sår  $\frac{3}{4}$  tn bygg og avlar 4 tn. Nils Hansen er i ft 1801 ført opp under Sandkleiva. Nils er då 34 år, kona Helvig Torolsdtr 53 år. Ho dør i 1803, men er då 50 år etter kb. Nils Hansen Gjederaas gifte seg oppatt i 1804, men døde same året. I 1807 festa Nicolai Møglestu plassen til Torjus Knudsen (Hørte). Sidan er *Gjeidaasen* ikkje nemnt.

*Ringsmoen* er først nemnt i slutten av 1770-åra. Simon Torgrimsen budde der. I 1792 rådde dei  $\frac{1}{8}$  tn rug, 2 tn bygg med avling 12 tn, og  $\frac{1}{8}$  tn poteter, avling 1 tn. Simon døde i 1808 — 83 år gl. I 1807 feste Nicolai Møglestu plassen til Terje Nilsen Natland. Han vigde same året med Sille Marie Aanonsdtr Tjore. Dei kom sidan til Havstadkjær u. Land-

vig. På *Ringsmoen* blei desse born fødd: Aanon 08, Ingebor 11, Niels 13, Johannes 16 og Trine Lovise 19. Det er siste gong *Ringsmoen* er nemnt. Og plassen er ikkje mellom dei som blei oppmålt ved jordskiftet i 1815.

*Nyhøve* festa Th. Fasting til Ole Jensen i 1779, i 1790 til Aasul Salvesen (Monen). Han var der i 1792 og sådde der  $\frac{1}{2}$  tn bygg. I 1801 er Aasul oppført under «*Kalvehaugen*» som ikkje er nemnt i 1792.

«*Sanden*». Her budde Hans Bjørnsen i 1701. Hans Bjørnsen Sanden gifte seg i 1718 med Gjertrud Nilsdtr. Anders Hansen i 1726, også med ei Gjertrud Nilsdtr, men me høyrer ikkje meir om dei.<sup>21</sup> Nils Terkelsen *Sanden* og Helgie Nilsdtr er der frå 1748 og utover, så dette var vel ein av Sandkleivplassane.

#### MERKNADER

1. Sjå Friis-ætta.
2. « Ronnen.
3. « A. Ager-Hanssen: Lillesand i eldre tid.
4. Så fortel Arnt Stensvand.
5. Etter A. Stensvand.
6. Etter Kr. Stalleland.
7. Sjå Gauslaa-ætta.
8. « Holtebu-ætta.
9. « Dolholt-ætta.
10. « Aanesland-ætta.
11. Jens Lassen i Kolbjørnsvig iflg. A. Stensvand.
12. Kaare Aamlid er son til Kristen Aamlid frå Hf. og Aasta Marie Nilsdtr Igland. Og er såleis — minst — halv Landviksokning, for også på farsida har han ætterøter tilbake til Igland.
13. Etter A. Stensvand.
14. Sjå Holte-ætta.
15. « Hesthagen-ætta.
16. « Væting-ætta—Solli.
17. « Dolholt-ætta.
18. « Væting-ætta—Solli.
19. « Sandkleiv-ætta.
20. « Udjus-ætta.
21. Det er 1724 sk på *Roresanden* etter Hans Bjørnsen. Han hadde ikkje livsarvingar. Det var nok enka som gifta seg oppatt i 1726.
22. Sjå Hørte-ætta.

## HAVSTAD

Gnr 19

Første gong me finn Havstad nemnt i skriftlige kjelder er i 1491. Eit brev som var på Haddeland i Holum fortel at Leiv Sæmundson gav sonen sin Herr Torleiv Leivson, sokneprest i Mannedal «1½ mamataleigo i Haffstodom» for det som Torleiv fekk i morsarv i «Dalolthom i Landviku kirkiu(sokn)». <sup>1</sup> Denne presten Torleiv høyrer me ikkje meir til. Og så går det over hundre år før me på ny finn Havstad-namnet.

I 1610 er nemnt Ola Hafstad (Oluff Haffstadt). Me finn han au i 1618, men frå 1623 Ludzie Hafstad. Me kan gjette på at ho er enke etter Ola. I odelsjordeboka 1624 finn me at ho heiter Lutzie Andersdotter. Ho eig 1 hud i garden og 1 gsk i pant. Ho åtte elles 1 hud i Taule i Fjære og hadde 5 gsk odelsgods i Igland, og på vegne av borna Arne (Arnall) Gramson, Marte og Rannei Gramsdøtre 2 h odelsgods i Vatne i V.M. Lutsi må ha vore gift med Gram Vatne, men har så trulig som enke kome til Havstad og blitt gm Ola på Havstad. Denne Ola var kanskje frå Torp. Det er ikkje anna enn ein hypotese som byggjer på namnet og på at den neste eigar og brukar på Havstad er Arne Børgesen som heilt sikkert er av Torp-ætta. <sup>2</sup>


Christen Hafstad er nemnt som husmann

1610 og 1617—20. I 1611 betalar han knekt-skatt. Jakob Hafstad er nemnt som husmann 1613—14, Jens 1623, Peder 1626. Ludzie H. står som krone- og leiglendingsbonde 1623—29, men i åra 1631—34 er ho oppført under husmenn. Ho har då gitt frå seg garden, for nettopp frå 1631 finn me Arne H. som krone- og leiglendingsbonde. Han er nemnt som husmann sidan 27. Det er heilt sikkert den same som Arne Børgesen. I 1643 eig han 3½ hud i garden. <sup>3</sup> Heile garden var då på 4 huder, i 1668 sett ned til 3 huder.

Arne Børgesen var lensmann og det var sk etter han i 1689. Sonen Børge dør utan livsarvingar i 1714 og garden går over til søskenbarnet hans Tore Torp og til Terkel Romundsen Lunden som var gm søskenbarnet hans, Barbro Gjerulsdtr Tjore. Mor hennar var frå Havstad. Terkel er elles alt i 1706 brukar av 1 hud i garden. Han bur der ikkje, men flytter trulig til etter 1714. I 1723 står Tore Torp og Terkel Romundsen som eigarar av hver 1½ hud i garden, men det er nok ikkje heilt rett. Eigar var nok ikkje Terkel. Då det er sk etter kona hans i 1726 eig han ikkje fullt 1 ksk i garden, og er såleis nærast brukar. Det heng slik saman at jordegodset ved sk i 1689 og serlig i 1714 då jorda går til utarvingar, blir delt

Daniel Havstads gard fotografert frå Lauvnes der runeinnskriftna er å finne og der det trulig var den eldste buplass på garden.

(Fot. 1960. Tv.)



opp i svært mange arvepartar. Så driv dei og byter til seg og sel desse partar. Og det blir mykje og vanskelig rekning. Då det i 1744 er skifte etter Guri Jensdotter gm Romund Terkelsen eig dei i Havstad og Vatnestrind 12<sup>5472081</sup>/177629765 ksk! På same måten ser me at Tore Torp og sonen Ole Toresen Havstad kjøper opp arvpartane.

Me kan vel rekna at det har vore to bruk på garden sidan 1714. Den siste av Torp-ætta på Havstad er Ole Knudsen. Han sel i 1819 halve bruket sitt, 9 ksk, til Anders Nilsen Udjus for 600 spd. Ola hadde lenge vore ute på lånevegen og måtte nok selje for å berge seg. Og i 1826 sel han resten av garden til Anders Nilsen for 600 spd. Anders har nå halve Havstad og det er ute med den gamle ætta på garden.

På det andre bruket går det ut i 1807. Då sel Lars Terkelsen til Aanon Larsen Lunden (Inntjore-ætta II). Han sel til broren Anders Larsen, og nå blir Havstad på ny lensmannsgard i noen år. Anders sel i 1824 halve garden til Knud Aasulvsen Hørte for 800 spd. I 1830 blir den andre halvparten seld til Johan Nicolaisen Refsvik (Schrøder-ætta) for 726½ spd.

Det blei ikkje halde noen utbytningsforretning då Ole Knudsen selde i 1819. I 1825 ser me såleis at Ole Knudsen og Anders Nilsen Udjus betalar skatt saman av 1½ hud, men i 1826 slår Anders Nielsen som nemnt til seg heile bruket. Det er nå tri bruk på garden som me ser av *matrikkelen* 1838:

	L.nr.	Gl. skyld	Nytt sk. (d-ort-sk)
Nils Andersen	47	1 hud 6 ksk	3-4-17
Knud Aasulsen	48a	9 «	1-4-19
Johan Nicolaisen	48b	9 «	1-4-19

I 1848 blir Nils Andersens bruk delt i 2 mellom enka Grethe Christensdtr som får 47 a og sonen Andreas som får 47 b.

*Nr 48 a blir oppstykket.*

Det bruket som Knud Aasulvsen kjøpte av Anders Larsen i 1824 var fjerdeparten av Havstad. Som me ser sat han med dette i 1838. I 1846 er det skifte. Garden er då verdsett til 810 spd. Han eig netto 683 spd. Sonen Christoffer overtar bruket for takstsumen. I 1864 sel han 11 sk til Torjus Nilsen (Havstadkjær bnr 8) og til Andreas Nilsen 8 sk. I 67

sel han så det meste av bruket (skyld 1 dalar) til Daniel Johansen, som nå såleis får det meste av det gamle bruket på Havstad som Anders Larsen hadde før han selde til Knud Aasulvsen. Sjøl sit Christoffer att med 3 ort 18 sk. Det som Daniel kjøpte fekk bnr 7 og skyld mk 1.68. Tri år etter sel Christoffer 16 sk til Anders Nilsen og sit att med 3 ort 2 sk som blir revidert til 2 ort 12 sk. I 1871 sel han på ny til Anders Chr. Nilsen, bnr 10 av skyld 20 øre, og har nå att 2 ort. Dette blir i 1876 slått saman med lnr 47 c. Det var eit stykke som Christoffer hadde kjøpt i 1871 av Chr. Nilsens bu. Matr.nr 4 av sk 3 øre. Restane av det gamle bruket 48 a får nr 5 i den nye matrikkelen, skyld 79 øre. Havstadmonen nå.

Christoffer Knudsen døde i 1889. Han var ungtkar, og bruket gjekk over til broren Aasul, som døde i 1900. Han budde i dei gamle husa på Havstadmonen (Hesthagen) og som trulig var sett opp av Ola Gislesen Nepstad som i 1843 g seg med søster til Christoffer og Aasul. Ved sk 1846 er han nemnt Ole Gislesen Havstad. Han og kona flytta sidan til Tyssekil.

Då Aasul døde gjekk bruket til kjøpmann Johan D. Havstad i Grimstad, og sidan til enka hans, men blir så i 1913 selt på auksjon til Kristian P. Krogstad som gjev 3200 kr. for denne egedomen (og matr nr 4). Krogstad sel i 1914 for det same som han har gitt, men i 1918 kjøper kaptein B. A. Omholt bruket for 8500 kr., og i 1920 går det over til Andreas Havstad for 8570 kr. Dei gamle husa blei då revne og nye bygd. I 1942 gjev Andreas skjøte til broren Eivind for 5000 kr. Aslak H. Havstad har bruket nå.

For Havstad kan me elles sette opp denne

#### *Eigar- og brukarrekkje gjennom 300 år.*

Ca. 1630—1689: Lensmann Arne Børgesen  
1689—1714: Børge Arnesen,

#### *Bnr 1—2.*

1714—1732: Tore Olsen Torp  
1732—1788: Ole Toresen  
1788—1807: Knud Olsen  
1807—1819: Ole Knudsen  
(sel halve garden til Anders Nielsen)  
1819—1826: Ole Knudsen  
1826—1836: Anders Nilsen  
1836—1846: Nils Andersen  
(garden delt. Andreas Nilsen får bnr 3. Utsk. 1848)  
1846—1854: Grethe Kristensdtr  
1854—1871: Anders Christian Nilsen  
1871—1880: John Andersen  
1880—1901: Karen Danielsdtr  
1901—1948: Gunda Havstad  
1948— : Ruth Havstad Helle  
Har bnr 1—2, 9, 10. Same år utskilt (frå bnr 1) bnr 11 Skibbukken. Selt av Gunda Havstad til dottera Karen gm Per Løland.

#### *Bnr 3.*

1846—1887: Andreas Nilsen  
1887—1942: Carl A. Havstad  
1942— : Andreas Havstad.  
Bnr 3 har skyld mk 4.39.

#### *Bnr 6—7.*

1714—1731: Terkel Romundsen  
1731—1742: Pros Terkelsen  
1742—1748: Raamund Terkelsen  
1748—1791: Terkel Raamundsen  
1791—1807: Lars Terkelsen  
1807—1808: Aanon Larsen  
1808—1824: Anders Larsen  
(Halve garden selt til Knud Aasulsen Hørte.)  
1824—1830: Anders Larsen  
1830—1853: Johan Nicolaisen  
1853—1869: Daniel Johansen  
1869—1886: Kristine Jensdtr  
1886—1932: Johannes og Kristine Havstad  
1932— : Daniel Havstad.  
Har bnr 6 av skyld mk 4.39 og bnr 7 av skyld 1.68.

#### *Havstadkjær (bnr 8)*

var opphavlig plass under Havstad. Første gong eg har funne plassen nemnt er i 1795

då Simon Havstadkjær blir dømt til å betale 10 dl i eit dødsbu, men det er ikkje folk der i 1801.

I 1808 vigjer Nils Knudsen Havstadkjær med Sissel Torjusdtr Sandkleiv. Nils dør på Havstadkjær 1857. Nils var sikkert son til Knud Olsen Havstad og bror til Ole Knudsen.<sup>4</sup> Plassen har då høyrte til bnr 1, og det samsvarar med at Anders Nilsen Udjus i 1826 gir festesetel til Nils Knudsen Havstad og kona for «3 st jord kaltet Kloppestykket og 2 jordst. i Hafstadkjæret». Grethe Christensdtr gjev festesetel på pl. i 1846 til Nils og kona for deira levetid. Årlig avgift 1 sp og 4 arbeidsdagar. I 1864 kjøper sonen Torjus plassen av Kristoffer Knudsen. Plassen må såleis ha gått over til hans bruk ved utsk. i 1862—63. Torjus Nilsen d på Dolholt 1891. Ved auksjonsskj 1894 går Havstadkjær over til Peder Aasulvsen Grøsele for 2300 kr. I 1938 går bruket til Aasulv D. Havstad for 5100 kr. I 1953 får tannlæge Johan Havstad eigedomen. Det er lenge sidan det har vore hus der.

Havstadkjær hadde i 1865 «6 maal tør sandjord, endel vandsyg». Før 1 ku, avlar 6 skp høy, ½ tn kveite, ½ tn rug og 18 tn poteter.

#### *Frå steinalderindustri til moderne fruktdyrking.*

Havstad er ein av dei sentrale gardar i Landvik. Garden ligg vakkert til med Havsåsen som ryggstø og det store Landvikvatnet blenkande framføre. Her har det budd folk og vore eit sentrum heilt tilbake i steinalderen. Det viser dei mange fornfunn av stein og flint. Eit serlig interessant funn gjorde Daniel Havstad då han i 1914 utfor stranda fann fleire klebersteinskar som låg i ein annan. Det har velkanskje vore ein verkstad der på Havstad, på annan måte kan ein ikkje forklare funnet.

På Havstad er den einaste runeinnskrift som er kjent frå Landvik. Runefunnet gjorde dei i

1837 «udhugget paa hældningen av et fjeld kaldet Løvnes omtrent 200 alen s.s.o. for østre huse paa Havstad». Det er yngre runer, og innskrifta er tydd slik: Dei gjorde desse runer, Finn og Olav.<sup>5</sup>

Var dei bønder på Havstad desse to? Det veit me ikkje, men innskrifta står der og vitnar om at det her ferdast skriftkunnige menn for ni hundre år sidan.

Lauvnes har elles trulig vore tingstad. Her ser ein restane av ei steinsetjing med 12 stein i ring. Ennå er det 8—9 steinar att. Resten er tekne bort, men merka etter dei har ein kunna sjå like til det siste.<sup>6</sup>

Her på Lauvneset finn me såleis merke og fotefar tilbake til dei eldste tider. Det er gamal kulturjord på garden. Her vitnar funn om arbeidsliv for eit par tusen år sidan.

Jorda har vore grunnlaget, men dei har au drive med onnor verksemd. I fyrre hundreåret dreiv dei og bygde båtar her. Namn som Skibbubakken vitnar ennå om det maritime innslaget på garden. Me veit at Johan Nicolaisen Schrøder som kom frå Refsviga, var båtbygger. Og sonen hans, Daniel Johansen, heldt fram med dette. Heilt til i 1948 stod båtboa deira. Eit namn som Bjelkestranda kan tyde på at dei her au har hatt opplagsplass av bjelkar for eksport ein gong i tida.

Då det blei slutt med båtbygginga, fann dei på Havstad nye vegar i jordbruket. Her på garden finn ein såleis tidlig tiltak med moderne fruktdyrking og grønnsakdyrking.

#### *Frå einbølt til fleirbølt gard.*

##### *Husa på garden.*

Havstad var som me har set *ein* gard fram til kring 1714. Då blei garden bytt i 2 og seinare i 4 bruk. Det gamle hovedbølet låg tolig sikkert der dei kallar «Tufta», ei jote mellom knausane på bnr 3 og i bytet til bnr 1. Ved garddelinga har så Romund-folket bygt nytt

på Brønnsbekkstykket. Husa låg omlag 80 meter aust for Daniel Havstads hus nå. At det må vera slik, skynar me av eigar-rekka. Også namna tyder på at Tufta må vera det gamle hovedbølet.

På Tufta stod dei gamle hus til 1848. Då bygde Andreas Nilsen på bnr 3 dei hus som står nå.<sup>7</sup> Broren Anders Christian Nilsen, som overtok bnr 1 etter mora Grete Kristensdtr, bygde på bnr 1 og dei gamle husa på Tufta blei så revne.

Aanon Larsen Lunden kjøpte halve Havstad i 1807 og kravde same år takstforretning. Her får me vite hossen husa var for 150 år sidan. Det var sikkert dei husa som stod på Brønnsbekkstykket. Våningshuset var ein 10-lafta bygning. Der var «stue med 3 fag vinduer i bly. En gl. brøstfældig jernkakkelovn. Gulvet forslitt og vinduerne i sine rammer brøstfældige.» Så var det kjøken på sørsida og bryggerhus på vestsida, med gang mellom. Eit lite vindu i kjøkenet. Skorsteinen var «forfallen», golvet «forslidt» og vindu (i bly) «brøstfældig». Sameleis er det med bryggerhuset. På s.v. sida av huset eit nytt tilbygd kammers. Vindu 2 fag i bly, dør til stova. Loft over bryggerhuset. Toka tekt med mosegrodd tegl.

Heile sætehuset var ikkje verdsett i meir enn 40 rd. Eit stolpehus tekt med tegl 20 rd. Uthusa var det au ringt med. Det var 2 løer, 1 låve og fjøs under ei toke «aldeles forraadnet og ubrugelig saa at det ikke kan beskierme foer eller creature». Uthuset var tekt med tegl. Verdsett for 20 rd. Stall og fænnhus, 6 lafta bygning «aldeles forraadnet og faldefærdig, men taget belagt med rød sten», 10 rd. Badstue: En gammel badstuebygning uden tag og aldeles forraadnet, ubrugelig og av ingen verdi.

Som me høyrer var garden svært til nedfalls. Om jorda heiter det au: diger igjengrodd. Så garden kan ikkje fø meir enn 5—6 kyr og hest. Kornavlinga set dei til 20 tønner. Me

veit ikkje om lensmann Anders Larsen som overtok året etter, bygde på garden. Trulig er dei gamle husa bare sett i stand. Det gjekk elles ringt for lensmann Anders Larsen. Han måtte i 1824 selje halve garden. I 1825 har han takst over resten. Han har halve husa. Om dei heiter det då bare at dei er «i brugbar stand».

Då Johan Nicolaisen kjøpte på auksjon etter Anders Larsen i 1830, har han trulig straks bygt dei sætehus som nå står på Austre Havstad. Då Johannes Havstad overtok i 1886 hadde han ei storvøling av sætehuset og bygde m. a. til fløybygning. Ikring 1870 hadde dei bygt om uthusa. Daniel Havstad bygde nye uthus etter at han hadde overtatt garden. Han minnest at det i 1893 stod rester etter dei gamle uthus på Brønnsbekkstykket. Dei gamle sætehusa var då borte, og det meste av bruket fråselt, som tidligare nemnt.<sup>8</sup>

#### Utsåd, avling og buskap gjennom 200 år.

	Utsåd tn	Avling tn	H.	N.	S.	G.	Merknad
1668	6		2	18	24		24 smaler
1723	7		2	14	10	10	
1793	10	49					
1867	10½	28½	3	11	22		

I 1792 er utsåden 1½ tn rug, 8½ tn bygg. Dessutan ½ tn poteter med avling 6 tn, ikkje tatt med i tala ovanfor.

I 1867 (matr.kom) sår dei tilsaman 2½ tn kveite, ½ tn rug og 3 tn bygg. Dei set 18 tn poteter med ei oppgitt avling på 110 tn.

Dyrka jord: 139 mål. 1 mål nat. eng. Havnegang: Bekvem, middels god, ikke tilstrekkelig. Det er ikkje utslåtter. Garden blir karakterisert som lettbrukt, men noe av marka er vassjuk.

Då lensmann Anders Larsen har takst over bruket sitt i 1825 (då ¼ av Havstad) er ut-



såden av rug  $\frac{1}{2}$  tn, avling 2 tn, bygg uts. 2, avl. 6 tn, og havre  $\frac{1}{2}$  tn, avl. 3 tn. Uts. av poteter 1 tn, avl. 10 tn. Kan fø 1 hest, 3 kyr.

#### Skogen

er det få opplysingar om. Ved taksten 1807, halve garden: Skogen er av ringe beskaffenhet, furre og lidt gran og eeg, men er i god grøde. Nok til brenne og husbruk og litt hus-tømmer. I 1825 ( $\frac{1}{4}$  av garden): I god grøde. Årlig netto 20 spd. 1867 (heile garden): Skog til salgs for gj.sn. ca.  $22\frac{1}{2}$  spd årlig.

### PLASSAR

#### Havstadkjær

er nemnt tidligare. Simon Havstadkjær er sikkert den same som Simen Torgrimsen Ringsmoen som i 1792 vigde med Birte Larsdtr Moen. Terje Nilsen Natland fester i 1807 pl. Ringsmoen av Nicolai Møglestu, Landvig. Han gifter seg i same året og er då kalla Terje Nilsen Ringsmoen. Då han i 1809 møter som vurderingsmann på eit skifte på Aagre blir han kalla Terje Nilsen Havstadkjær. Han var skips-tømmermann. Men borna hans er fødd på Ringsmoen (u. Landvig). Sidan blir dei kalla Havstadkjær. Det er nok slik at denne plassen under Landvig som har lege ut til Havstadbyttet er blitt kalla Havstadkjær og det er trulig husa på denne plassen som i 1856 blei flytta til Frivoll i Fjære av ein P. Jakobsen, som då åtte husa. I Havstadkjær under Havstad veit me ikkje av at det har vore meir enn ein plass, som det tidligare er gjort greie for.

#### Ringskleivmonen.

Anders Nilsen Udjus fester i 1834 plassen Ringskleivmonen til Aslak Olsen og kona for deira levetid for årlig avgift 2 spd. Aslak reiste til Amerika i 1861. Han var då enkemann og

63 år. To av døtrene hadde reist alt i 1849. Saman med han reiste så døtrene Anne Marie og Karen. Anne Marie hadde ei dotter, som då var 12 år. Dei skreiv seg då for Ringsklev.

Anders Christian Nilsen Nærebø fester så pl. til Henning Tobias Jensen med dei same rettar som Aslak hadde for årlig avg. 5 spd. Henning får overdrege husa på plassen for 50 spd. Plassen blir nå kalla Ringskleven.

Henning dør i 1870, bare 36 år gamal. Enka flytter trulig frå med dei små borna, for det bur ikkje folk på plassen i 1875.

#### Refsåsmonen (Slettevær).

Daniel Johansen Havstad fester i 1857 plassen Refsåsmonen til Daniel Thorsen og kona Marthe Margrethe Thorsdtr mot årlig avgift 1 spd. Daniel Thorsen var f i Holum 1812 og d 1880. Marthe var f i Tyssekil 1828 og d 1892. Dei hadde borna Anne Seselia 54, Elisabeth 55, Thomas 58, Dorthea Margrethe 61. Dei fekk to born til, men dei døde før dei var årsgamle.

Det må ha vore smått for Daniel. I 1875 sette dei litt poteter, men dyrka ikkje korn og heller ikkje hadde dei husdyr. Eldste dottera var heime og var legdslem. Plassen blei trulig nedlagd etter at Marthe var død.<sup>9</sup>

### MERKNADER

1. DN VI s. s. 647.
2. Sjå Torp-ætta.
3. « Torp-ætta.
4. « Torp-ætta.
5. Norges Indskrifter med yngre runer Bind II s. 9.
6. Etter Aslak H. Havstad (1957).
7. Aslak H. Havstad opplyser at eldste faster hans var f på «Tufta» (1848), men dei andre søsken i dei nye hus på bnr 3.
8. Etter Daniel Havstad (1958) ved Johannes Havstad.
9. Daniel Havstad opplyser at Havstadmoen eigentlig er ein lang skogmon inn mot Syndle. Av gamalt låg det tri plassar der: Blåsenborg, Hesthag (Aslak Havstads nåv. eigedom) og Slettevær.

## DOLHOLT

Gnr 20

I året 1491 møtte Leiv Sæmundson på Fodnebø i Holum og gav der sonen sin Herr Torleiv Leivson, sokneprest i Mannedal 1½ «mamata leigo» i «Haffstodom» for det som Torleiv fekk som morsarv i «Dalolthom» i «Lanviku kirkiu(sokn)» med alle luter og lunder.

Dette er første gong me møter Dolholt-namnet, og det er eit av dei aller første skriftlige vitnemål om gardar i Landvik. Neste gong me høyrer om garden er ein god mannsalder seinare. I eit brev skreve på Øyslebø 16. aug. 1539 kunngjer Jens Persson og Peder Tollakson, lagrettemenn i Klepland skipreide, at dei var «oppa Dalulth liggendis i Landuigh sogn, sathom vij oppa akarenen østan for garden hørdhom vij at Bergulff oppa førde Dalulth byghde Salue Gunnarson en af sine jorder som Ffaass heither liggianes i Unnedal med samtyckie son sin Biørn Bergullffson.»

Over 400 år er gått sidan dei sat der på åkerreina Bergulv og sonen hans, men ætt etter dei lever ennå på garden, i 14. ættleden frå Bergulv når me reknar fram til sønene til Peder og Martinius Dalholt. Nå ættar ikkje dei i bein mannsline frå Bergulv. Ættelina tilbake til dei eldste på garden går gjennom oldemor til Peder og Martinius, Todne Jonsdtr. Ei eldre søster til

Todne kom til Nærebø. Todne vigde i 1783 med Romund Terkelsen Havstad og dei overtok garden,<sup>1</sup> nå bnr 10.

Det er sikkert nok at Dolholt er ein gamal gard om han kanskje ikkje er mellom dei første landnåmsgardane. Rygh har meint at namnet kan kome av eit kvinnenamn, Dolla, men det er vel helst trulig at det er eit landskapsnamn og at det heng saman med dæld, dvs. ein liten dal. På svensk heiter det dåld, og ei liknande form kan namnet ha hatt her i gamal tid, dåldholt. Og denne forma går att i bygdeuttalen, dåll'holt. Land og lende stør ei slik tyding. Garden ligg i ei «dæld», og ein liten dal fører over til Reddal. Her gjekk den gamle ferdselsvegen over «Grøvene» før den nye Reddalsvegen kom.

### *Dei gamle på Dolholt.*

I ætteboka er Dolholt-ætta ført tilbake til Bergulv på Dolholt og dei me kjenner av etterkomarar er nemnde der. Me veit ikkje hvor Bergulv kom frå, om han overtok odelsgods i Dolholt, men sikkert er det at sonesonsønene hans sat med heile Dolholt og Tangerholt og Jåvoll og mykje jordegods elles.<sup>2</sup> Bergulv var trulig gm Gunhild Salvesdtr og kom ved sitt giftermål inn i ein ættekrins som hadde til-

knytting til Nerstein og Tingstveit i Øyestad.<sup>3</sup> Bergulv må vere død før 1561 då Bjørn Berulvsen møtte på Nersten. Jon Bjørnsen Dolholt lånte i 1577 pengar til Gaute Gisleson og fekk pant i Vatne i Vegusdal. I 1583 eig han med pant ein gard på Håbesland i B.<sup>4</sup> Anon Jonsen var lensmann og sendemann til kongehyllinga i 1591. Saman med broren Torkel åtte han heile Dolholt. I 1617 åtte dei saman i alt 21½ hud jordegods. Metveit-greina av Dolholt-ætta går tilbake til Torkel Jonsen. Han var gm Gunhild Torsdtr Eidbo frå Dyvåg. Ho hadde før vore gm Tollef Tingstveit. Ein av sønene, Romund, kom til Lunden og er ættfar til Romund Terkelsen Havstad som gifte seg til Dolholt i 1783. Torkel Jonsen hadde halve Dolholt. Han levde til ikring 1656.

Anon Jonsen som trulig d kring 1620 hadde sønene Jon og Bjørn. Dei hadde hver sin fjordepart av Dolholt i 1640-åra og utover. Garden var då på 6 huder, i 1668 sett ned i skyld til 5 huder. Dolholt er då postgard. Jon (Torkelsen) brukar då halve garden, men er bare eigar av ½ hud. Knud Hamres arvingar har 2 huder. Elling (Bjørnsen) eig og brukar 7½ ksk, Torje, Aanon og Nils brukar og hver 7½ ksk. Aanon var son til Jon Aanonsen som kom til Lunden ei tid, Nils var son til Torkel Aanonsen som au kom til Lunden. Me ser såleis at garden er blitt oppdelt nokså mykje. Det gamle Dolholtgodset blei oppdelt ved arveskifte og pantegodset trulig selt unna. Men Dolholtfolket hadde nok likevel interesser utanom bygda. I 1687 pantset dei ein fiskeripart dei hadde i «Østerlands fiskeri i Halse sogn» for 50 rd.<sup>5</sup>

I 1701 er det 4 brukarar: Aanon Jonsen, Jon Aanonsen (sonen), Nils Torkelsen og Torgun Andersdtr med sin svoger Gunder Aanonsen.

Matr 1706: Aanon Jonsen eig og brukar 1 hud 2 ksk. Jon Aanonsen eig og brukar 1 hud

4 ksk. Nils Torkelsen eig og brukar 1 hud 3 ksk. Jon Ansteinsen Tjore 1 hud 3 ksk. Det var det siste godset som Gunder Aanonsen brukte. Gunder var son til Aanon Jonsen.

#### *Frå skifte i 1708 og 1714.*

Aanon Jonsen døde i 1707 — 78 år gl. Han hadde vore gift 2 gonger. Første kona var Signe Andersdtr Holte frå Oddernes. Dei budde på Øvre Grefstad i Fjære der det var sk etter Signe 1668. Andre gong var han gm Guri Aanonsdtr Ytre Østerhus som døde i 1691. I første ekteskapet var det 3 søner, i andre ekteskap 3 søner og 4 døtre. Alle møter ved skiftet i 1708. Den eldste, Jon, er g og bur på Dolholt, Jon d.y. er gift og bur på Store Grefstad, Anders på Tingstveit. Gunder er gift og bur på Dolholt.

Trass i to skifte, sit Aanon ennå med mykje medel. Han eig tils. 2 h 15/6 ksk jordegods. Og av lausøyre har han for brutto 170 rd. I Dolholt har han 137/8 ksk. Ein like stor part blei lagt ut ved skiftet i 1692. Han har etter sonen Pros erva 7½ ksk i Gusdal. Dette hadde Pros fåt i arv etter mora Signe Andersdtr og morfar Anders Holte. Av brorsonen Nils Gundersen Ribe hadde han panta til seg 2½ ksk i Morholt etter at siste kona døde.

Det blir nå gjort greie for håssen jorda i Grefstad og Gusdal og Jävoll blei delt ved sk i 1668, då dette ikkje tidligare er skreve. Alle arvingane er blitt enige om at då sønene av 1. ekteskap ikkje har fått så godt gods som faren, skal dei aleine ha dei 7½ i Gusdal og 1½ ksk i Grefstad mot å svare 10 rd i reie pengar til borna av 2. kuld. Desse skal og ha jorda i Morholt. Til sk kjem då bare jorda i Dolholt. Hver av dei 6 sønene får 147/64 ksk, døtrene 39/160 ksk hver.

Aanon har nok dreve med tømmerhandel, for i buet er det av trelast: Paa Lunden sand beliggende 2½ tylter furre 16 al vurderet a tylt 2 rd. Paa Ljaavolds land ved Rædalsvandet beliggende 10 trær egebielker 2 rd.

Av krøter er det 5 kyr, 1 kvie, 2 stutkalvar, 4 woxne søv-creatur, 2 lam, 6 geiter, 1 trij aars gioldbuk, 3 risbidder-giedder, 2 lam, 3 kje, 2 smaa sviin og 1 hest (10 rd). Kyrne står i 3 rd.

Inne i stova der dei er samla til skifte, er det nok som vanlig i ei bondestove på den tid med faste benker, men det er ei mengd benkeklæder, m. a. 1 dokkebenkedyne med skind under 3¼ al lang, 1 gl flamsk med skind under 3¼ al. Der er og flamske «høiender» og fleire andre. I stova er det 1 furre roskab med 2de

rom og laaser, vidare 1 furre madskab med 1 rom og gl lås. Me merker oss og eit par bord (1 fureskifve med stoel). Av trevahre er største eignaluten 1 egekiste med laas og gott jernbeslag 4 rd. Det er elles fleire kister. Og ei rekke bryggekar og øltønner.

Bøger: Povel Andersen Medelbyes huspostil, 1 liden bog om Guds og diefelens fristelser. Den siste er sett i 1 ort 8 sk, medan postillen kjem i 1 dl 1 ort.

Av kobber, tinn og messing merker me oss fleire store tinnfat med vekt frå 2—4½ pund, ein kobberkjele til 6 rd eller to kuverd. Elles er det vanlig utstyr av jernsaker, saler, og reidskap. Av sølv merker me oss 1 «sølvstaab» med bokstavane AJS. GAD 1679, verdsett til 4 rd. Det er og fleire skeier og eit par snørekjeder.

I dette skifte får me og vite kor mykje såkorn dei treng. Det heiter: Videre blev efter samtlige sønners godtbefindende vurderet saa meget fræ som til gaarden at besaae behøves, hvilket blev anslagen til 4 tdr byg og 1 td rug, tils. 5 tdr, overhovedet vurderet a td 1 rd 2 ort. Resten av kornavlinga skal Anders, den yngste sonen, ha saman med 3 søstre som er heime . . . som efter faderens død haver staaet gaarden fore og den udi sidste forleden høst ladet indhøste samt laugl. skatter og andre udgifter derav svaret.

Dei som er gifte har fått heimanfylgje og «bryllupsudredning» verdsett til 19 rd for hver. Det skal dei ugifte og ha og det går av 95 rd i buet. Det er noe kjøpmannsgjeld i buet, tilsaman 20 rd.

Ikkje så mange år etter, i 1714, er det på ny skifte på Dolholt. Då er Guri Jonsdtr, kona til Jon Aanonsen, død. Og det viser seg at ennå er det velstand på garden. Jon har i alt 3 huder 2 ksk jordegods og lausøyre for 283 rd. Dei har to søner og to døtre. Den eldste av sønene, Jon, er 36 år ved skiftet, Anders 26. Signe er gm Nils Gjeruldsen på Tjore. Johanne, som er 28 år, blir seinare gm lensmann Anders Aslaksen Imenes. Guri og Jon hadde ei mengd sølv. Me nemner: 1 sølf kop med 2de ører og nafn paa stocken Aanon Joensen og Signe Andersdtr 1652, vegtig 19 lod — 10 rd. 1 høit støb med nafn paa staven Laritz Christensen og Lisbet Povelstdtr 1648, vegtig 12 lod — 6 rd. Vidare er det eit mindre støb, eit forgylt sølvbelte med 15 spenner og lenke i enden 4 rd, 2 snørekjeder, og ikkje mindre enn 14 sølvskeier, alle med bokstaver. Det er skeier med både krone og knapp. I alt er det sølv for ikring 50 rd.

Og Guri Jonsdtr sjøl hadde nok ikkje spart på klædekontoen. Ho må ha vore staselig der ho kom i blått fløyels snøreliv med sølvsnorer . . . og 4 par forgylt

sølvspender udi, og med svart eller rødt «sarses» skjørt til. Bare det livet kosta 7 rd eller over 2 kuverd! Men ho hadde fleir stasklæde: 1 blått plysses snørliv med 4 par forgylte sølvmaljer (2½ rd), 1 blått «kiersis» skjørt (2½ rd), 1 rødt sarses (3 rd), 1 gl rødt boies skjørt 3-3, 1 sort klædes trøie med 1 par forgylte sølvspender (2½), 1 dito med 1 par forgylte sølvspender (1-3-18), 1 sort klædestrøye (1 dl).


På garden hadde dei 7 kyr, 2 kvier, 2 stutar, 1 tjør, 12 sauer, 5 geiter, 2 gjeldbokker, 1 rondbokk, 4 mindre kalvar, 1 blakk hest (9 rd) og 1 rød (9 rd). Kyrne verdsett til 2½—3 rd.

Jon har tilgode av Michel Mortensen 39 rd, trulig for trelast. Det er ein gjeldspost på 20 rd, men denne tek Jon på seg å betale «med en ringe deel trællast som er huggen og skal frembringes».

### *Ei odelssak i 1717.*

Me såg at Jon Ansteinsen Tjore sat med 1 hud 3 ksk i garden i 1706. Samanhengen med dette får me greie på i ei odelssak som Gunner Aanonsen Dolholt og Jon Nilsen Midstu reiser i 1716. Det er åstadssak på Dolholt 19. mai 1717. Her vitnar Jon Aanundsens. Han blir spurt . . . om han ikke hadde kiendt Bjørn Aanundsens som for rom tid siden boede paa Daalholt, og om han ikke haver været eiende de paastevnte 2 huder jordegods i Daalholt og Jaavold, item om samme gods som skal være udsat til hans søstermand Gulow Hamre jo ikke var hans odel. Jon svarar at far hans hadde sagt at Bjørn Aanonsens som var farbror hans hadde erva 1½ hud i Dolholt etter foreldra sine, etter matr nå 5 gsk og i Jaavoll med Tangerholt 5 gsk, nå 1 hud. Dette godset brukte Bjørn og kona og sidan sonen Elling . . . til Joen Ansteinsen Tiore selv antog det til brug, i hvis hænder det endnu er.

Me får vidare i rettssaka vite at det var i 1674 at Bjørn hadde pantsett godset til sin svoger Gullik (!) Hamre. Og at Jon Anstensen var soneson til Gudlaug Hamre. Gunner Aanonsen er gm Karen Ellingsdtr. Ho er altså sone-datter til Bjørn Dolholt. Bjørn var og «Joen



Frå Dolholt.  
Anders Dolholts  
gard.

Nielsen Midstues farmoders fader». Frå annan stad veit me at ho heitte Astri og var gm Leidulv Nilsen Midstu. Det endar med at saka blir utsett. Året etter er det ny åstadssak. Saka ender med at Gunner og Jon blir tilkjent godset. Løysingssumen blir sett til 328 rd etter utleggsforretning i 1675. Saksøkjarane får au 16 rd i sakskostnad.

Men striden om dette jordegodset er nok ikkje slutt med dette. Me veit ikkje hva som hende den næraste tid etter, men trulig anka lensmann Jon Ansteinsen saka. Eller dei greidde ikkje å betale løysingssumen.

Son til Jon, Ole Jonsen, flytter til Dolholt. Han var gm Tone Olsdtr Haanes. Ole bleiv i Temse 1721 — bare 35 år gl, gjekk trulig gjennom isen. Han hadde ved skiftekontrakt fått 1 hud 3 ksk i D. og 3 ksk i Hefteviga. Tone gifte seg oppatt med Lars Nilsen Dolholt, son til Nils Torkelsen Dolholt og yngre bror av Jon Nilsen Dolholt.

Då Lars d i 1752 ser me at det ennå er strid om jordegodset. Det er sk same året. Lars

var 2. gong gm Ingeborg Andersdtr Grøm. På skiftet sa Ingeborg og sønene at dei åtte 5 gsk i Dolholt og «Hæstevigen» 1 gsk «hvorom i lang tid i den sl. mands levende live er ført prosess, reist av Jon Osmundsen Tiore, hvilken sag er paadømt av den kgl. Oberhofræt som samme tilfundet den sl. mand og nu hans efterladte boe berørte gods, men da Jon Osmundsen har indstævnet saken til anstundende aars Høieste rætt . . . må skiftet stå ut. Skifterett blir sett på ny på D. 1/5 1754. Her er tilstades bror til Ingeborg, Nils Grøm. Han og søstera var au av Dolholt-ætt. Saka har i Høgsterett hatt det utfall at Jon Osmundsen er til dømt garden «efter uvillige laugrete taxation som og idag ved nu aparte forretning er skeet». Godset er taksert for 550 rd.

Det blei ei dyr sak — over 116 rd i alt. Høgsterettsprocurator Anders Larsen har eit krav på nærare 49 rd. For dette får han utlagt m. a. ½ dus. sølvskeier for 9 rd, ein 8 år gl hest 12 rd, ei ku 3 rd, forutan tin, klæde, innbu og desse bøker: 1 gl bibel, en bog kaldet

Guds børns gyldne klenodier, 1 bog Gudfrygtigheds øvelser kaldet. Til hesten får han sale for 2 rd og «bouvæle».

Lars Nilsen var elles ein mann som sat godt i det. Utanom godset i Dolholt hadde han 8 ksk elles, m. a. vel 5 ksk i Grøm. Bruttoen utan dette jordegodset var 811 rd, m. a. var det 130 rd i «tilstaaende gjeld». Men så var han skyldig Christina Christensdtr Dokkedal som han var formyndar for omlag 115 rd. Til frådrag gjekk og sakskostnad og skiftekostnad, ca. 21 rd.

Jon Osmundsen tok over garden, men selde noen år etter og bruket kom seinare og på handel. Martinius Dolholt har denne eignedomen nå. Nils Larsen, eldste sonen, sat der uten gard, men han vigde med sin tremenning Guri Andersdtr året etter at Jon tok garden. Guri var gardjente, dotter til Anders Jonsen og Todne Knudsdtr Aabel. Eignedomen dei hadde er seinare delt, bnr 1 og 3 nå.

#### *Garden i 1720 og seinare.*

Me skal nå gå tilbake og sjå nærare på bruk og brukarar i første halvpart av 1700-talet og seinare. Tidligare er nemnt brukarane og eigarane i 1701 og 1706. I 1723 (matr) brukar og eig Gunder Aanonsen  $7\frac{1}{2}$  ksk, Jon Jonsen og Jon Aanonsen 1 h  $10\frac{1}{2}$  ksk, Jon Nilsen 1 h 3 ksk og Ole Jonsens enke 1 h 3 ksk, tils. 5 huder. Det er oppført at garden kan fø 5 hestar, 22 naut, 27 sauer og 24 geiter. Utsåd 17 tn 4 skj. Smaa egeskov. Flomqværn til eget behov. Tungvindt.

Jon Nilsen var son til Nils Torkelsen. Dei andre er nemnt før. Dei høyrde alle til same ættekretsen, unnateke den unge enka Tone Olsdtr, men ho gifte seg som nemnt like etter med Lars Nilsen, bror til Jon. Jon Nilsen d i 1731. Ved sk hadde han lausøyre for 260 rd brutto, 225 rd netto og dessutan 1 hud  $4\frac{3}{4}$  ksk jordegods, av dette  $7\frac{1}{2}$  ksk i Dolholt. Jon

og Lars hadde fått  $7\frac{1}{2}$  ksk hver i 1717 etter mora Astri Jonsdtr som då gav seg i follaug. Lars selde sin part til broren i 1745 for 150 rd, så dette bruket blei samla på ny. Sonen Nils Jonsen selde bruket 1 hud 3 ksk i 1803 til Nils Pedersen Igland ved makeskifte i eit bruk i Kiland, og ætta kom bort frå garden.

Det var bnr 2 nå som Anders Thorsen eig. På dei  $7\frac{1}{2}$  ksk fødde dei i 1731: 1 hest, 5 vaksne kyr, 1 kvie, 2 kalvar, 4 geiter og 6 «souver». Mellom sølvet i 1731 var eit gamalt sølvstaup påst. Astri Jonsdaatter N.T.S. 1678. Dette årstalet er trulig frå den tid dei blei gifte eller eit par år etter. I alt er det sølv for 35 rd. Enka Karen Olsdtr vigde oppatt med Christen Olsen Hesthagen, men dei fekk ikkje born. Eldste sonen til Jon, Nils, var bare 14 år då faren døde.

Me såg at Gunder Aanonsen hadde  $7\frac{1}{2}$  ksk i 1723. Dette må vere av farsgarden. Saman med broren Jon og brorsonen Jon Jonsen har dei tilsaman  $2\frac{1}{2}$  hud eller halve Dolholt. Gunder eig såleis  $\frac{1}{4}$  av dette godset. Det har han og ved sin død i 1747, dessutan 3 ksk i Jaavoll og 3 i Tangerholt. Gunder og Tonje hadde ingen søner. Eldste dottera, Guro, var gm Aslak Aanonsen Lunden og han selde i 1754 dei  $7\frac{1}{2}$  ksk til Todne Øvensdtr, enke etter Jon Jonsen Dolholt, for 210 rd. Dette godset blei såleis på ny lagt til hovedbruket. Sonen, Jon Jonsen, vigde i 1762 med Aashild Øvensdtr Nærebø. Ved sk etter Aashild i 1773 sat Jon med 1 hud  $6\frac{3}{4}$  ksk i garden og dessutan 8 ksk i Nærebø. Det er dette jordegodset i Dolholt som Romund Terkelsen overtok då han gifte seg til D. i 1783. Jon var død året før.

Bruket som Jon Osmundsen fekk ved høgsterettsdomen hadde han bare til i 1758. Då selde han til Nils Jensen 1 h 3 ksk (5 gsk) for 827 rd. Han gjorde såleis god forretning på odels-saka. Nils Larsen meinte då au at taksten var alt for låg i 1754 — 550 rd. Han skulle gjerne

gje 800 dl, sa han. Og det var altså garden verd i handel. Me veit elles ikkje hvem denne Nils Jensen var. Han var gm Karen Andersdtr. Dei budde på Dolholt, men selde i 1763 til ein Hans Gullovsen Storehei for 899 rd. Han var gm Johanne Gunnarsdtr. Han selde garden til sonen Gunder Hansen i 1780 for 300 rd. Gunder Hansen sat med garden til i 1793. Då makeskifte han med eit bruk i Vatnestrand. Han kom til Skalle i V.M., er der i 1795. Aanon Guttormsen som fekk bruket, makeskifte same året med Jens Christensen Hesthagen og sonen Christen Jensen. Sønene til Christen, Jens og Ole, sat sidan med denne eigedomen som Andreas Olsen Hørte kjøpte i 1878 for 13 400 kr.

#### *I 1792 og seinare.*

I 1792 er det desse 4 bruk: Romund Terkel- sen 1 hud  $6\frac{3}{4}$  ksk, Anders Nilsen  $11\frac{3}{4}$  ksk, Jon Nilsen 1 h 3 ksk og Gunder Hansen 1 h 3 ksk. Anders var son til Nils Larsen og Guri Andersdtr. Guri hadde fått garden etter far sin Anders Jonsen, som tidligare nemnt. Utsåden på Dolholt blir oppgitt til i alt  $1\frac{1}{2}$  tn rug,  $14\frac{1}{2}$  tn bygg og 1 tn poteter. Avling  $6\frac{1}{2}$  tn rug, 84 tn bygg og 14 tn poteter, så Dolholt må ha vore rekna for ein sers god korngard. I alt var det då 32 menneske på garden med vaksne og born. Romund hadde tenestgut og to jenter. Jon hadde dreng og jente. På dei to andre bruka var det tenestjente. I 1801 er folketallet 28.

I åra etter 1800 er det oppbrot i det gamle ættesamfunnet, på Dolholt som så mange andre stader. Høge prisar lokker til salg. I 1803 sel som nemnt Jon Nilsen sitt bruk. Han makeskifte med eit bruk i Kiland, men flytta ikkje dit. Og me veit ikkje hvor dei kom av. Ein av sønene, Terkel, kom til Skiftenes. Noen år etter, i 1808, sel så Anders Nilsen sitt bruk  $11\frac{1}{2}$  ksk til Anders Nilsen Udjus for 1500 rd.

Med i denne handelen fylgde  $1\frac{1}{4}$  ksk i Gusdal og  $\frac{1}{8}$  i Bjørkos sag. Sønene til Anders, Nils og Lars, kjøpte att garden i 1811 for 1800 rd. Men Nils d i 1813 — bare 30 år gl. Lars vigde i 1812 med Maren Nilsdtr, dotter av Nils Pedersen Igland som hadde kjøpt av Jon Nilsen. Dei sat nok ikkje så godt i det desse brørne. For dei lånte heile kjøpesumen av Anders Nilsen Udjus. Året etter lånte dei 800 dl mot 2. pr. og i 1813 fekk dei 200 dl av Anders mot 3. pr. Lånet på 1800 rd var i 1814 ved sk nedskrive til 630 rbd, lånet på 800 til 240 rbd. Lars greier nok ikkje å sitte med heile eigedomen, for i 1821 sel han frå 6 ksk til sin svingfar Nils Pedersen for 450 spd. Anders Nilsen Udjus har pant for 300 spd i garden då.

I 1826 er det sk etter Maren Nilsdtr. Lars blir då utlagt dei  $5\frac{1}{4}$  ksk han har att for 262 spd mot å betale Anders Udjus 218 og Nils Pedersen 44 spd. Det var nok for å søke lån i Norges Bank at Lars i 1831 hadde takst på bruket sitt. Taksten syner ein utsåd på  $1\frac{1}{2}$  tn blandkorn, avling 10—12 tn, rug 2 skj (2 tn), poteter 2—3 tn (25—30 tn) og 2 nötting linfræ med avl 6 bpd. Kan fø 1 hest, 2 kyr, 1 kvie, 8—10 sauer. Skog: fure og gran, noget ung egeskov. Netto 4 spd. Hus: Vaan- og udhus kunde trænge rep. Kvenn til garden. Takst 350 spd. Same året løyser Lars låna frå 1826, og pantset garden i Norges Bank for 180 spd. Året etter låner han 100 spd av Anders Udjus mot 2. pr.

I 1835 overtar Jens Christensen garden etter foreldra. Og same året gjev Nils Pedersen og kona seg i follaug til eldste sonen, Peder, som får garden. Broren Johannes Nilsen får dei 6 (Inr 49 a) ksk som var utskild frå Lars Andersens bruk, som får Inr 49 b i matr 1838.

#### *Bnr 7.*

Jens og broren Ole Christensen var begge ugifte. Og med dei dør denne greina av Hest-

hagen-ætta ut. N. Igland skriv: På Andreas Olsens brug bodde før ham 2 ugifte brødre, Jens og Ole Kristensen. Begge var dyktige violinspillere. Jens desuden efter sin tid oplyst mand, var i 1851—53 viceordfører i Landvig og var 3 gange (1847, 50 og 60) valgmand. Han døde i 1863 — 67 aar. Fra ham og hans broder Ole har Landvig kirke et varigt minde i en sølvkande paa alteret hvortil pengene, 60 spd, var testamentert av dem. Ole Christensen selde garden nest før han døde i 1878 til Andreas Olsen Hørte for 13 400 kr. Matias Andreassen fekk skj i 1897 for 7200 kr. Garden gjekk i 1915 ved auksjonsskj frå Matias Andreassens dødsbu til Jens Ommundsen Seland for 18 000 kr., for denne egedomen og dei utskilde partane bnr 6, 8 og 4. Marie Olsdtr Birkeland fekk uskiftebrev etter mannen sin Jens Seland i 1916. Ho selde i 1921 til Ole Reinertsen Dalholt for 21 300 kr. I 1924 overtok så broren Martinius for 15 000 kr.

Bnr 7 har nå skyld mk 6.13. Til egedomen er 40 da dyrka mark og 200 da produktiv skog. Sætehus bygd 1875, modernisert 1946.

*Bnr 1 (lnr 49 a).*

Johannes Nilsen fekk denne egedomen av skyld 6 ksk i 1838 etter foreldra Nils Pederen og Aase Olsdtr for 420 spd. Egedomen var som nemnt frâseld Lars Andersens bruk. Johannes selde frå eit lite stykke til Kittel Salvesen i 1880. Og i 1884 sel han frå  $\frac{1}{3}$  til Andreas Olsen og  $\frac{1}{3}$  til Reinert Johnsen. Resten av skyld mk 0.72 går så ved auksjonsskj i 1886 over til eigaren av bnr 2, Thor Andreas Andersen, for 1466 kr. Johannes Nilsen som var ungar, d i 1883.

*Bnr 3 (lnr 49 b).*

Johannes Larsen fekk denne egedomen for 787 spd ved sk etter faren Lars Andersen i 1862. Johannes var politibetjent i Grimstad,

men flytta til Dolholt i 1866. I 1873 selde han garden til John Andersen Havstad for 1000 spd og flytta frå. Johannes Larsen var den siste mann av Dolholt-ætta på garden. John Andersen selde året etter til Salve Kristoffersen Seland for 1100 spd. Salve var f i Vigmostad i 1839. Sonen Kristoffer Seland f 1886 overtok bruket etter Salve som døde i 1919.

Bnr 3 har nå skyld mk 2.57, og har 20 da dyrka jord og 200 da produktiv skog. Sætehus  $1\frac{1}{2}$  høgd bygd 1908.

*Bnr 2.*

Peder Nilsen overtok som nemnt denne egedomen 1 h 3 ksk i 1835. I 1846 sel han frå noen skogstykke til Aanon og Peter Christensen Nærebø. Blei skyldsett til 3 ksk, nå bnr 2 Jaavoll. Peder fekk 200 spd for desse 3 ksk. Same året sel han så garden til Thor Andreas Andersen Udjus<sup>6</sup> for 1400 spd og reiser med huslyden sin til Amerika. Peder hadde bygd nye 2 høgda sætehus i 1840 og dei står ennå på garden som Anders Dalholt overtok i 1912 (skj 1917). Mora Anna Gunnufsdtr sat då med egedomen. Ho fekk uskifteløyve etter mannen Thor Andreas i 1899.

Bnr 2 har skyld mk 6.75. Til denne egedomen høyrer og bnr 1 og har 45 dekar dyrka mark og 300 dekar produktiv skog. Nye uthus bygd 1919. Anders gav 12 000 kr. for garden.

*Bnr 10.*

Romund Terkelsen fekk dette bruket ved sitt giftermål i 1783. Det var då det største bruket på Dolholt, 1 hud  $6\frac{3}{4}$  ksk. Romund Terkelsen d i 1843 — 84 år gl. Sonen John hadde gift seg i 1837, men Romund står som eigar av garden lnr 50 i matr 1838. Noen egedomsoverdraging er ikkje tinglyst. John Romundsen d i 1852 og enka Anne Larsdtr får løyve til å sitte i uskift bu. I 1874 får så Reinert Johnsen f 1842 garden for 2300 spd.



Han sel frå i 1877 til Aanon Aanonsen Høyberg bnr 11 av skyld 92 øre for 1500 kr og Rokleiv bnr 5 til sin svoger Kittel Salvesen for 1200 kr. I 1917 blei frâseld parsellane Moen og Solbakken, så bnr 10 har att skyld mk 7.54. I 1917 får Tellef og Ole Reinertsen Dalholt skj på bnr 10 (og bnr 9) for 10 000 kr. Bnr 9 var det som Reinert kjøpte av Johannes Nilsens bruk i 1884 for 1466 kr, skyld mk 0.72. Tellef R. Dalholt overtok garden aleine i 1921. I 1933 går garden til Peder R. Dalholt, for vel 14 000 kr på nærare fastsette vilkår. Bruket har 45 dekar dyrka mark og 400 dekar produktiv skog. Sætehus bygd 1890, modernisert 1948. Uthus 1919 med nytt fjøs og stall 1951.

*Eigar- og brukarrekkje gjennom 450 år.*

1. Bergulv på Dolholt f ca. 1470 d før 1561
2. Bjørn Bergulvsen nemnt 1539 og 1561
3. Jon Bjørnsen nemnt 1577—83
4. Aanon Jonsen, lensmann 1591 d ca. 1620.

*Bnr. 10.*

5. Jon Aanonsen
6. Aanon Jonsen ca. 1675—1707
7. Jon Aanonsen 1707—17
8. Jon Jonsen 1717—51
9. Tonje Øvensdtr, enke e. Jon, 1751—63
10. Jon Jonsen 1763—1782
11. Romund Terkelsen gm Tonje Jonsdtr 1783—ca. 1840
12. John Romundsen ca. 1840—1852
13. Anne Larsdtr, enke e. John, 1852—74
14. Reinert Johnsen 1874—
15. Tellef og Ole Dalholt 1917—21  
Tellef 1921—33
16. Peder R. Dalholt 1933—

Også for bruka nr 1—2 og bnr 7 og 3 kan me sette opp brukarrekkje tilbake til dei gamle på Dolholt. Det vil gå fram av det som er nemnt tidligare. Me tek her med eigarrekka for bnr 2 (1 hud 3 ksk) og tek til med

- Nils Torkelsen ca. 1675—1708  
Astri Jonsdtr, enke e. Nils, 1708—17  
Jon Nilsen 1717—30  
Kari Olsdtr, enke e. Jon, 1730—45  
Nils Johnsen 1745—1803  
Nils Pedersen (Igland) 1803—35  
Peder Nilsen 1835—46  
Thor Andreas Andersen (Udjus) 1846—99  
Anne Gunnufsdtr, enke e. Thor, 1899—1912 (17)  
Anders Dalholt 1912 (17)—

*FRÅSKILDE BRUK*

*Rokleiv bnr 5* selde Reinert Johnsen i 1877 til sin svoger Kittel Salvesen. Kittel var f i 1831 i Landvik, men faren var komen frå Tveit i Tovdal og budde på Melviga i Reddal. Kittel vigde i 1865 med Thomine Johnsdtr Dolholt og dei budde ei tid på Frivoll i Fjære. Kittel og kona var på Dolholt i 1875. Han er då nemnt husmann med jord og skipstømmermann. Dei bygde i Rokleiv i 1877 og fekk som nemnt seinare kjøp på bruket som nå har 30 da dyrka mark og 10 da skog. John Kittelsen f 1877 fekk skj på bnr 5 og 12 i 1929 for 10 000 kr. Etter at John d fekk søstera Josefina Amalie Salvesen eignedomen i 1952. Ho selde i 1954 til John Kristiansen for 12 500 kr. Bnr 5 har skyld mk 0.20.

*Bnr 11.* Reinert Johnsen selde i 1877 eit stykke på omlag 2 ksk gl skyld, ny skyld mk 0.92, til Aanon Aanonsen Høyberg for 1500 kr. I 1886 blei eignedomen seld på auksjon til Tobias Halvorsen for 2150 kr. I 1911 kjøpte John Reinertsen Dolholt eignedomen på auksjon for 2200 kr. Han selde i 1916 til Tellef og Ole R. Dalholt for 2500 kr. I 1937 kjøpte Matias Knudsen Jaaddan eignedomen, også for 2500 kr. Frå 1950 er Olga Jåddan eigar. Gunvald Jåddan overtok i 1954 for 4500 kr. Bruket har 6 dekar dyrka mark.

*Stranda* bnr 16 av skyld 3 øre selde Andreas Olsen i 1885 til Tobias Abrahamsen for 350 kr. Tobias selde i 1911 til Kristen Olsen Furre

for 1500 kr. I 1915 fekk Gunhild Aanonsen eigedomen for 2000 kr. Ho selde i 1933 til Lars T. Jaavold, som i 1937 skj eigedomen til Ansgar Nilsen for 2400 kr. Eignedomen har 5 dekar dyrka mark.

*Dolholmtoen* bnr 14. Emanuel Olsen Dalholt f i Sogn 1878 kjøpte eigedomen i 1920. Areal 10 dekar.

Bnr 15 Dolholmtoen har 8 da dyrka mark. Sætehus bygd 1875. Eigar sidan 1951 er vegvaktar Ånon Mofjell.

Bnr 17 «Kleveland» (Dolholmtoen) kjøpte Ole Johan Olsen i 1899 av Matias A. Dalholt. Er gått ut frå Johannes Nilsens bruk. Nils A. Olsen fekk eigedomen i 1910, Ingeborg og Karen Mofjell i 1933 for 2500 kr. Anders Mofjell feikk eigedomen i 1950. Har også bnr 18 Krågemyr. Areal 11½ dekar.

*Solbakken* bnr 21 blei fråskild bnr 7 i 1917. Andreas Antonsen fekk skj i 1926 av Martinus Dalholt. Selde i 1940 til sonen Gustav Andreassen. Haakon Stien kjøpte denne eigedomen og bnr 20 i 1952 for 7000 kr.

## PLASSAR

### *Haslelia*

var ein gamal plass som låg ved den gamle vegen til Vatnestrånd. Plassen er nedlagt alt før 1801. Den siste som er nemnt er Aase Olsdtr Haslelien som i 1790 vigde med Nils Pedersen Igland. Det var dei som kom til Dolholt i 1803. Me kan fylgje same ætta i Haslelia i tri generasjonar. I 1678 betalar Clemmet Nilsen på Dolholt-eie ½ rd i skatt. Ole Clemetsen Haslelien som 1696 «blef i vandet 16½ aar» må vere son hans. I 1701 er på Hassellie paa Dolholt Eye: Anne, enche, fattig Huuskone. Haavor Clemmetsen 20 aar. I 1721 gir bøndene på Dolholt festebrev til Haaver Klemetsen «paa en husmandsplads Haslelien kaldet». I 1724 blei gravlagd «Hofuer Hassel-

liens moder 76 aar». Same året har Haaver sonen Ole til dåpen. Det var han som blei skolemester og som fekk tilnamnet «Hasleli-bispen» fordi han ved ein visitas sette bispen i beit, etter det tradisjonen veit å fortelje. Haaver var skomakar. Ved skattel. i 1743: Haaver Haslelien, en gl. fattig skomager der ingen næring har. Fri tatt for koppskatt (1 rd). Haaver d i 1750 — 64 år gl. Veit ikkje hva kona hans heitte.

Ole Haavorsen Haslelien vigde i 1745 med Mali Nilsdtr Igland. Mali d i 1784, Ole i 1789 — 64 år gl. Dei hadde borna Siri 1747—48, Siri 50, Karen 50, Haaver (52), Nils 56, Aase 59. Ved sk etter Mali i 1784 hadde dei lausøyre for omlag 51 rd. Husa blei taksert for 100 rd og 100 takstein for 3 rd. Det går frå tål Haaver 50 rd som han hadde «forstrekt» foreldra med. Haaver var då 32 år og på arbeid i Kristiansand. Det er og eit par andre gjeldspostar og sk.kostnad 11 rd så nettoen blir vel 71 rd.

Husa på Hassellia var slik: 1 firelaftet waaninghus klæd med bord og tægl tægt. I samme er en stue med tvende fag vinduer. Ved stuen et kjøken med skorsten og et fag vinduer. Over kjøkenet et kammer og dessuden i stuen en jernkakeovn. Et bindingsverk opbygget bryggerhus med skorsten og bagerovn samt bordtag. Det er her å merke at dei hadde bakaromn. Buskapen var 2 kyr, 2 sauer og 2 geiter. Bøker skulle ein vel ha venta meir av hos «bispen». Det var 1 bibel og 1 salmebok. Meir er ikkje oppskrive.

Ved sk etter Ole Haavorsen i 1789 blir «stervbohuserne» set i bare 20 rd. Grunnen er nok at det var gjort avtale mellom «Dolholts beboere» og Ole Haaversen om at husa skal vere flytta til 31. mai 1790. Er ikkje det gjort, skal Dolholtfolka ha dei utan vederlag. Me kan gå ut frå at dei blei flytta og kan då tidfeste nedlegginga av plassen til 1790, det året

ynge dottera til Ole, Aase, gifte seg. Siri var d før sk i 84. Ho var gm Osmund Larsen Rodalen. Karen var i 1789 gm Tarald Bertelsen på Søndlesøyna, Haaver budde på Sjursøya i Oddernes, Nils var g og budde i Kristiansand.

Ved sk syntet det seg at Ole Haavorsen hadde tilgode 55 rd av lensmann Jens Brøndum. Ole var vurderingsmann og takstmann ei rekke år og det var nok pengar for dette arbeidet han hadde tilgode. Mellom eignlutene hans var eit sølv lomneur, verdsett til 16 rd. Borna fekk 100 rd til deling. Og det var meir enn på mang ein gard i den tid.

#### Rønningen.

I 1825 feste Romund Terkelsen til skreddar Knud Johnsen «et jordstykke kaldet Rønningen». Knud var gm Kisten Olsdtr og dei hadde budd på Ringskleiv. På Dolholt hadde dei fleire born til dåpen. Johanne 1823 d.s.å., Barbra 24, John 32 d.s.å., Oline Bergethe 35. Knud d 1859 — 78 år gl. Kisten døde same året — 67 år gl.

#### Monen.

I 1843 feste Peder Nilsen pl. Monen til Ole Gislesen for avgift 3 spd og 12 arbeidsdagar til året. Ole Gislesen kom sidan til Tyssekil.

Det er og nemnt andre husmenn, men utan plassnamn. Trulig var det fleire plassar på Dolholtmonen. I 1785 har Ole Dalholteie og Guri Olsdtr dottera Ane til dåpen, i 87 Todne. Ane Olsdtr tener hos Christen Jensen i 1801. Guri Olsdtr er då enke med hus utan jord. Andre plassfolk er det ikkje på Dolholt då. Guri d i 1810 — 60 år gl.

I 1806 vigde Aanon Osulsen Dolholteie med enka Marthe Olsdtr Østerhus. Dei hadde same året sonen Ole til dåpen. Men meir høyrer me

ikkje om dei. Lars Sørensen er «inderst» i 1836. I 1862 er Søren Larsen husmann. Han var gm Aalloug Ellefsdtr. Born: Elias Kristian 62, Emma Lovise 65, Gusta Helene 68. Aanon Aanonsen Høiberg er husmann i 1875. Han fekk sidan kjøpt plassen. Sjå tidligare.<sup>7</sup> Også Kittel Salvesen var som nemnt husmann i 1875. Det var kanskje då ei husmannsstove på Rokleiv.

\*

I 1875 var det i alt 43 personar som høyrde heime på Dolholt, men av desse var 6 «logerende» eller gamle. Hos Reinert Johnsen var, for å nemne det, Hans Jakobsen . . . . gl jætergut forsørget av R. Johnsen. Hans var f i Eide i 1801. Det var 8 tenestfolk og 11 born under 15 år.

#### Jord, avling og buskap.

Me har før nemnt avlingsoppgaver m. v. frå gamle matriklar. I oppg. frå matr.kom 1867 er det i alt på Dolholt 112 mål dyrka jord og 29 mål naturlig eng. Samla høyavling 201 skp. Utsåd og avling: Kveite 1½ tn — 12½, rug  $17/20$  — 5, bygg 5 — 38, havre 1½ — 9, poteter 16 — 109 tn. Buskap: 3 hestar, 15 kyr, 31 sauer.

Til samanlikning kan nemnast at i 1875 er husdyrtalet oppgitt til 5 hestar, 15 kyr, 2 ungdyr, 18 sauer og 5 griser. Utsåden var då 2 tn kveite,  $3/4$  tn rug, 4 tn bygg,  $5\frac{3}{4}$  tn havre og 23 tn poteter. Dei har då så smått tatt til med rotfrukter, m. a. har Reinert Johnsen  $1/4$  dekar. Han har og ein utsåd på 36 skålp. grasfræ. Han er elles kjent som ein føregangsmann i fruktdyrking (Dolholtperene). Me ser elles den vanlige tendensen at byggen minkar og det aukar med kveite, havre og poteter.

I dag er det dyrka areal på Dolholt oppgitt til i alt 219 dekar, altså omlag det dobbelte samanlikna med 1867.

*Skog.*

Til Dolholt høyrer ikring 1100 dekar skog. Netto i 1867 ca. 64 spd.

#### MERKNADER

1. Sjå Tingstveit-ætta.
2. Sjå Dolholt-ætta.
3. Etter fylkesarkivar O. A. Aalholm.
4. A.A. Museet Årbok 1956 s. 27.
5. Sk.pr. 2 Mandal, oppl. ved H. Skjævesland.
6. Sjå Udjus-ætta.
7. Han høyrde til Midstu-ætta. Sjå denne.

## VATNESTRAND

Gnr 21

Garden ligg på vestsida av Inntjorekilen. Den gamle sørlandske hovedvegen gjekk framom garden, men nå går ferdsla andre vegar. Her er gamal kulturjord som alle stader rundt Landvigvatnet. Ei grønsteinøks som er funnen, tyder på eldgamal busetnad, om garden vel ikkje er mellom dei aller eldste i bygda.

Så langt me kan finne tilbake i skrevne kjelder, har her vore 2 bruk og av gammalt heitte dei Vestre og Østre Vatnestrand. Austgarden høyrde på 1600-talet til Torpfolket og kom sidan over til dei av denne ætta som sat på Havstad.

I 1624 åtte Peder Lauritsen Torp på vegne av kona  $\frac{1}{2}$  hud i garden. Resten, 1 hud, åtte Nils Lauritsen Aagre, også på «hans quindes vegne». I 1643 eig Svanaug Torp 3 ksk i Ø.V. og Kirsten Einertrø 3 gsk i V.V. Kirsten var nok kona til Nils Aagre eller Einertrø som var lensmann før Arne Hafstad. Kirsten Pedersdtr — ho heitte så — kan ha vore dotter til den Peder som er nemnt som øydegardsmann på Vatnestrand i 1623. Aslak Lauritsen frå Skiftenes kom til å få dette bruket i V. Til det andre bruket kom det Torpfolk. Ole Børgesen, bror til lensmann Arne Børgesen, sat der i 1660-åra og framover, i alle fall til 1674. Men Svanaug, eller Svane, som dei skreiv,

var eigar så seint som i 1661. Aslak Lauritsen, 60 år, og Oluff Børresen, 61 år, var der i 1664. Ola, namnet er skrive både Olluff og Ole, eig og brukar 1 hud i 1668. Men Aslak er då død, for det er enka «Anne Watnestrand og hendes børn» som då eig og brukar V. Vatnestrand. Garden er sett opp i skyld til 2 huder. Dei sår 4 tn på garden, kan fø 11 naut, hest og 16 «smaler». Korntiend 5 fjerding. Skouff til smålast.

Før dei på Torp og Skiftenes flytta til, var det nok brukarar på garden. Peder er nemnt som øydegardsmann i åra 1617—23. I same tid er nemnt Mads. Frå 1626 har me Nils Wester Watnestrand, men garden er ikkje nemnt i koppskattmt 1645. I 1657 er det tri brukarar: Thord som bet. 12 sk i kvegskatt, Søffren som bet. 2 ort 5 sk, og Olle 18 sk. Den siste er nok Ola Børgesen Torp som då er flytta til. Etter at Ola er død, går Ø.V. over til Havstad-folket. Og blir sidan bytt opp i ei mengd mindre partar og blir underbruk under Inntjore-bøndene, som får jorda ved arv og makeskifte. I 1723 brukar såleis brørne Ole og Knud Inntjore hver  $4\frac{1}{2}$  ksk. Dei har såleis nå vel  $\frac{1}{3}$  av garden. Det meste av denne jorda blir seinare lagt til vestre garden som blir delt i to bruk av sønene til Aslak Lauritsen, Chri-

stoffer og Jens. Ein tredje bror, Arne eller Arnold som dei skreiv, kom til Tyssekil. Han blei gift med ei jente der, ei dotter av Mogens Andersen. Jens blei gift med ei onnor av Mogens-døtrene og ei tredje kom til Aagre. Dit kom au ein son til Jens, Aslak.<sup>1</sup>

Christoffer brukar 7 og Jens 8 ksk i 1701. Christoffers bruk går vidare i ætta til sone-sonen Gunder Gundersen d.y. Då han d i 1790 har han 1 hud 1½ ksk i garden. Det meste blir då utlagd til Elisabeth Arnstdtr på Molland for gjeld. Enka blir likevel sittande som brukar og eigar til 1793. Då makeskifter ho 1 hud 3 ksk med Gunder Hansen Dolholt og garden går ut av ætta. Eldste son til Gunder, Hans Gundersen, sel i 1801 sin odelsrett til Aanon Guttormsen for 100 rd. Garden kjem på handel. Terje Guttormsen kjøper i 1795 for 1300 rd. Han sel eit par år etter til Anders Larsen Inntjore (då Dokkedal) for 1060 rd. Han sel til svogeren Aslak Christoffersen Lunden for 1250 rd i 1800. Aslak sel så i 1802 til Aanon Thorsen (Nærebø) for 1550 rd. Enka hans, Anne Jensdtr, sel i 1809 til Lars Terkelsen Gitmark for 2500 rd. Lars Terkelsen Gitmark er den same som Lars Terkelsen Havstad som selde sitt bruk i Havstad noen år før. Han var bror til Romund Terkelsen som g seg til Dolholt.<sup>2</sup>

Lars Terkelsen sat godt i det. Ved sk etter han i 1842 åtte han 7½ ksk i garden verdsett for 600 spd og hadde i alt ei netto eige på 1143 spd. Sonen Jens hadde tidligare overtatt 6½ ksk (lnr 54 b) for 520 spd, og dette gjekk inn i buet. I 1852 kjøper så Jens resten av garden av mora Marthe Jensdtr for 700 spd (lnr 54 a). Men Jens sat i stor gjeld. I 1856 sel han frå 6 ksk til Nils Christensen Nærebøs bu for 700 spd med fråsegn om at gjelda elles skal hefte på lnr 54 a og 54 d. Dei 6 ksk blir elles først fråskild i 1862. Same året sel han av det gamle lnr 54 a 6 ksk til Bent Christensen Holte for

800 spd. Jens sit att med bare 2 ksk, lnr 54 d, som han sit med til 1870 då han sel til Anders Chr. Nilsen Havstad.

*Lnr 54 a — bnr 2.*

Bent Christensen Holte kjøpte som nemnt dette bruket i 1862. Han sel i 1867 til Anders Christian Nilsen Nærebø for 500 spd. Anders kjøper au som nemnt i 1870 lnr 54 d, seinare bnr 5, for 200 spd. Desse bruk kjøper så Matias Pedersen i 1871 for 1000 spd. Matias var komen frå Liknes i Kvinesdal, f 1829. Han levde på V. til han var bortimot 100 år. Sonen Karl Matiassen står oppført som eigar i matr 1905. I 1923 får Matias Aasinius Matiassen skj frå skifteretten for 16 000 kr. Han sel same året til Nils Osulsen for 21 000 kr. Nils Osulsen f i Evje i 1873 har sidan hatt garden.

I 1873 blir frå bnr 5 (lnr 54 d) av skyld 2 ort 1 sk fråskild 1 ort 22 sk. Det gjekk over til Aanon Gunerius Andersen Nærebø og fekk sidan bnr 6.

*Bnr 3—4.*

Jens Larsen selde som nemnt 6 ksk i 1856 til Nils Christensen Nærebøs bu. Bruket går i 1857 over til Nicolai Nilsen Nærebø. Enka hans sel i 59 til Matias Nilsen Nærebø for 400 spd. Blir skild ut som eige bruk i 1862. Matias Nilsen sel i 1867 til Nicolai Pedersen for 900 spd. Nicolai var datterson til Jens og dette bruket kom såleis tilbake til ætta. Etter krav frå Nicolai blir dette bruket slått saman med bnr 4 i 1894.

Bnr 4 var slått saman av lnr 54 c 1 ksk som Jens Larsen selde til sin svoger Peder Nilsen Hobbesland i 1843 for 80 rd. Peder var gm Sissel Larsdtr. Peder hadde alt i 1833, det året han giftet seg, fått kjøp på lnr 57 av sk  $3^{15}/_{16}$  ksk av Tor Gjerulsen Inntjore for 175 spd. I 1855 kjøpte han så lnr 55 av sk  $1^5/_{16}$  ksk av Ole Christensen Dalholt for 47½ spd. Det

han her kjøpte var nok restar av det gamle Østre Vatnestrand. Tilsaman haddde han då 6¼ ksk eller mk 3.02 medan bnr 3 hadde skyld mk 2.89, samla skyld mk 5.91. Etter gamalt skyld er dette halvparten av Vatnestrand. Jens Vatnestrand fekk skj på eigedomen i 1929 for 12 500 kr.

*Bnr 1—7.*

Hesthagenfolket sat med ein rest av det gamle Torp—Havstadgodset i Vatnestrand, 1<sup>11</sup>/<sub>16</sub> ksk. Terkel Olsen fekk det i 1778. Og Terkel Larsen Gurebu selde i 1901 til Henning Herlofsen for 1000 kr. Han kjøpte så i 1913 bnr 7 av sk 86 øre (2<sup>7</sup>/<sub>16</sub> ksk) av Nils Lie Nilsen Enge for 2000 kr. Dette var resten av det gamle Havstadgodset.

Henning Herlofsen, som var frå Birkenes, var gm Siri Legsdtr frå Konsmo. Dei bygde nye hus i 1910. Sonen Harald har eigedomen nå. (Død etter at dette blei skreve.)

*Eigar- og brukarrekkje gjennom 300 år.*

*Vestre Vatnestrand.*

Ca. 1660—ca. 1670 Aslak Lauritsen  
Ca. 1670—ca. 1680 Anne, enke e. Aslak.  
(Garden delt.)

*7 ksk.*

Ca. 1680—1711 Christoffer Aslaksen  
1711—1740 Gunder Christoffersen  
1740—1773 Gunder Gundersen d.e.  
1773—1790 Gunder Gundersen d.y.  
(Han hadde kjøpt 7½ ksk i 1778 av Ole Terkelsen Hesthagen.)

*1 hud 3 ksk*

1790—1792 Johanne Pedersdtr, enke e. Gunder  
1792—1795 Gunder Hansen Dolholt  
1795—1797 Terje Guttormsen  
1797—1800 Anders Larsen  
1800—1802 Aslak Christoffersen  
1802—1808 Aanon Thorsen

1809—1842 Lars Terkelsen  
1842—1852 Marte Jensdtr (7½ ksk)  
1842—1852 Jens Larsen (6½ ksk)  
1852—1856 Jens Larsen (sel frå 6 ksk — bnr 3)  
1856—1862 Jens Larsen (sel frå 6 ksk — bnr 2)

*Bnr 5, lnr 54 d.*

1862—1870 Jens Larsen  
1870—1871 Anders Chr. Nilsen Nærebø  
1871—1873 Matias Pedersen (sel frå bnr 6)  
Vidare som bnr 2.

*8 ksk.*

Ca. 1680—1714 Jens Aslaksen  
1714—1760 Anders Jensen (sel 2 ksk i 1738 til Gunder Gundersen)  
1760—1780 Clemed Andersen  
Garden utl. kreditorane. Over til Gunder Gundersen.

*Bnr 2, lnr 54 a.*

1862—1867 Bent Christensen Holte  
1867—1871 Anders Chr. Nilsen Nærebø  
1871—1923 Matias Pedersen og arvingar  
1923— Nils Osulsen (har også bnr 5)

*Bnr 3, lnr 54 b.*

1856—1857 Nils Christensen Nærebø bu  
1847—1859 Nicolai Nilsen Nærebø  
1859—1867 Matias Nilsen Nærebø  
1867—1894 Nicolai Pedersen.

*Bnr 4, lnr 54 c, 55 og 57.*

1833—1863 Peder Nilsen  
1863—1867 Sissel Larsdtr  
1867—1894 Nicolai Pedersen.

*Bnr 3 og 4.*

1894—1929 Nicolai Pedersen  
1929— Jens Vatnestrand.

*Østre Vatnestrand.*

Her er det uråd å sette opp eigar- og brukarrekkje då dette jordegodset blei oppdelt og brukt som underbruk, mest under Inntjore. I 1838 åtte Øven Terkelsen Hesthagen 1<sup>6</sup>/<sub>16</sub>

ksk (lnr 53), Ole Christensen Dolholt lnr 55, også  $1\frac{5}{16}$  ksk. Johannes Jensen Inntjore lnr 56 —  $2\frac{7}{16}$  ksk, og Peder Nilsen lnr 57 —  $3\frac{15}{16}$  ksk. Det siste hadde som nemnt høyr til Tor Gjerulsen Inntjore. Johannes Jensens part er det som Henning Herlofsen kjøpte i 1913.

#### *Litt om garden, avling og buskap.*

I 1723 er utsåden sett til 3 tn 2 skjepper. Ole og Knud Inntjore driv nok bare med høy, for korn er ikkje oppgitt for dei. Garden kan fø 1 hest, 7 naut, 14 sauer og 7 geiter. Ringe skov til husbehov. Læt og tungvindt.

Ved sk i 1714 har Jens Aslaksen 1 hest, 3 kyr, 2 kvier, 1 kaly, 6 sauer og 4 lam, 6 geiter og 2 kje. I 1790 har Gunder Gundersen som då brukar  $\frac{5}{8}$  av Vatnestrand: 1 hest, 5 kyr, 4 sauer, 3 geiter og 2 verar. I 1792 er det bare Gunder Gundersens enke som er oppgitt som brukar. Sår 5 tn bygg, avling 24 tn,  $\frac{1}{4}$  tn poteter, avling 2 tn.

1867: Lnr 55 Lars Øvensen Hesthagen 1 mål dyrka,  $\frac{1}{2}$  mål nat. eng. Høyavling  $2\frac{1}{2}$  skp. Skog til salgs for 3 spd 80 sk årlig.

Lnr 54 a Anders Chr. Nilsen 15 mål «mid-del god jord paa leerbund». 24 skp høy.

Lnr 54 b, Peder Nilsen enke:  $16\frac{1}{2}$  mål mid-dels god jord på leir, noe sandjord,  $3\frac{1}{2}$  mål nat. eng. Ho brukar au lnr 54 c, 55 og 57, tils. 15 mål god jord på leir. Sår  $\frac{1}{4}$  tn kveite, av-ling 2 tn. bygg  $2\frac{1}{2}$  —  $9\frac{1}{2}$ , havre  $2\frac{1}{4}$  — 9, poteter  $3\frac{3}{4}$  — 25 tn. Før en hest, 4 kyr, 6 sauer. Samla høyavling 47 skp.

Lnr 56, Aanon Nilsen Tjore: 2 mål dyrka,  $\frac{1}{2}$  mål nat. eng. Høyavling 4 skp.

Det er ikkje utslåtter til V. Tils. blir det 49 mål dyrka mark.

#### *Garden nå.*

Nils Osulsens bruk har (1955) 30 da dyrka mark og ca. 500 mål prod. skog. Buskap 3 kyr

og hest. Bnr 4 Jens Vatnestrand: 35 da dyrka, 200 da skog. Buskap 4 kyr og hest. Sætehug bygd ca. 1700. Bnr 1, Harald Vatnestrand: 16 da dyrka jord.

#### *Namn på garden.*

I 1839 er det skylddeling. Lars Terkelsen byter ut halve garden 1 hud 3 ksk med  $\frac{13}{30}$  partar til sonen Jens Larsen og  $\frac{1}{15}$  til sviger-sonen Peder Nilsen. Lars får då m. a. Klev-ager og Badstuager med omliggende engemark paa østre kant av garden. Mellomager. Østre del av Mellom Fidjen, vestre Qvehusstykket, vestre del av vestre Fidjen. Østre del av østre Vatnestrand. Jens: Storerager. Ospelunden og Hævagerstykket. Sissels ager m.v. Peder: Tor-grimsvold.

Namn i skog og utmark: Rædalshullet, Kjelledalen, Bustøa, Buvigen (ved Reddalsvandet), Saugemyren, Lønsaaen, Storeskod, Kilen.

#### *Om busa*

heiter det: Lars Terkelsen forbeholdt sig den østre ende med den i derværende stue staaende kakkelovn. Det er kakelomn både i veststova og kammerset, men den siste «forbeholdt» Lars seg. Av uthusa heldt Lars unna fjøset og «den søndre løe». Jens fekk den nordre løa, stallen og hesteløa. Låven skal dei dele, badstova skal dei ha i hop.

#### PLASSER

I 1711 (skoskatten) er nemnt: En platz under Vatnestrand 1 pige nafnlig Torbør. Denne plassen er trulig nedlagd, for i åra fram-over finn me ikkje plassfolk på Vatnestrand. I 1790 er det sk etter Nils Gundersen, som var bror til Gunder Gundersen d.y. Han hadde ikkje gard eller buskap. «Stervbohuserne» blir verdsett til 40 rd. Det er ikkje nemnt plass-folk i 1801, men i 1803 finn me Clemet Lave-



sen og kona Allau som har sonen Lave til dåpen. Dei var nok plassfolk. Og dei flytta til Grinnedalen og er der i åra 1804—16. Lave som var f på Vatnestrand d som liten, men dei fekk ein son Lave i 1812 og han kjem til V. som husmann i 1873. Han var då enkemann og vigde med enka Anne Marie Aslaksdtr Inn-tjøre f 1832 d 1886. Lave som var malar og snikkar d 1888. I 1894 ser me at det er utpanting i Klemmet Lavesens hus. Dei stod på bnr 7 som Henning Herlofsen kjøpte i 1913. Ei dotter av Lave, Anne Helene, vigde i 1865 med Matias Andersen Annebo (Jarlsberg). Dei budde ei tid på Vatnestrand.

I tida mellom 1803 og 50-åra finn me i 1809 at Christen Christensen Vatnestrand og kona Tarjer har ei dotter, Kristine, til dåpen. I 1812 vigjer Søren Sørensen Vatnestrand med Christine Andersdtr Stensmoen.

I 1850-åra kjem det fleire plassfolk til garden. Daniel Thorsen budde der i 1854—55. Han kom frå Lie i Holum. Flytta seinare til Tyssekil. Tobias Thorsen (svogeren) kom i 1855. Han g seg det året med Anne Marie Aanonsdtr Skiftenes. Dei fekk borna Sevrin Teodor 1855 og Aanon Gunerius 58, d 1871.

Anne Marie d i 1861 — bare 30 år. Tobias gifte seg då oppatt med Hanne Gunhilde Hansdtr Dønnestad (Tveit). Ei dotter Anne Marie 64. Tobias d av tæring 1879. I 1875 hadde han 1 ku og 2 sauer, sådde ½ tn kveite, ½ tn bygg og 2 tn poteter.

I 1886 vigjer Hans Jørgen Nilsen f på Gjerbrynna 1860 med Elisabeth Danielsdtr f på V. 1855. Dei bur på Vatnestrand. Ei dotter Petrine Matilde 87. Elisabeth d 1891 av tæring. Hans Jørgen som då står oppført som husmann og sagarbeider g seg oppatt i 1894 med Johanne Regine Zakariasdtr (Vallesverd). Ei dotter Sine 94. Nils 95 d.s.å. Budde på Laves plass.

I åra 1854—59 er Nils Jensen Kilekjær på V. som husmann, gm Nille Christine Hansdtr 1854. To born d små. Ein son Hans Jacob 59.

I 1870 sel Anders Chr. Nilsen Nærebo til Ole Osuldsen Stien et på pl. Lien stående våningshus for 50 spd (under bnr 2).

#### MERKNADER

1. Sjå Skiftenes-ætta I.
2. Sjå Tingstveit-ætta.

## HESTHAGEN

Gnr 22

Namnet seier oss at Hesthagen ikkje er noen gamal gard. Når garden blei rudd, veit me ikkje, men trulig har det som seinare blei gard, vore hestehage til Inntjore. Etter tradisjon i Hesthagen-ætta er garden kjøpt av Nørholmen i 1660-åra, men det er nok ikkje rett.<sup>1</sup> Johan Thinne Poffuel, borgermester i Skien, åtte både Inntjore og Hesthagen, og det var han som selde garden til Anders Olssen, første mann me kjenner av Hesthagen-ætta. Me ser at Anders leiger garden i 1647. Han har då trulig bruka garden noen år. I alle fall er Anders og hans quinde der i 1645, det ser me av kop-skatten.

I 1651 har Anders dei 2 hudene som garden er på, i pant. I 1654 står Anders oppført som «Eiger och bruger af samme 2 huder», men i 1657: Haffuer i pant. I 1661 står han som eigar og brukar. Faktisk eigar har han såleis vore sidan 1651. Og same ætta sit med garden fram til 1910, i 260 år som eigarar og ennå lenger tid som brukarar av garden.

Første gong me kan finne Hesthagen nemnt er i lensrekneskapen 1624—25. Då står det under Jordebokens formering: Hesthouge 2 kalvskind. Garden har då trulig vore under oppdyrking. Me kan gjette på at garden er rudd i siste halvpart av 1500-talet. I 1623 finn

me den første mann som er på garden, Jens Hesthaug. Han er oppført som «husmand» men har trulig brukt garden. I åra 1628—31 har me Lauritz Hesthage (også skrivne Hesthauffge) — ødegaardsmand. Det skulle tyde på at skylda på garden ikkje då var 2 huder som seinare, då garden alltid er oppført som halvgard med skyld 2 huder.

\*

Hesthagen er rekna som ein *god* gard. Matrikkelkommisjonen 1867, som gir opp den dyrka mark til 46 mål, gir denne karakteristikken: Meget god jord paa leerbund. Det heiter og at garden er lettbrukt.

I matrikkelen 1668 heiter det at garden før 1 hest, 11 naut og 16 sauer. Og sår 4 tønner (bygg). I 1701 er det skifte på det eine bruket — garden er då delt i to — og då har dei på dette bruket 6 storfe. Og i 1708 på det andre bruket: 7 storfe, 8 geiter og 4 sauer, men det er ikke oppgitt at dei har hest på noen av brukta, hossen dei nå kunne greie seg utan det. Etter 1708 har me ikkje noenlunde samtidige skifte, så det er uråd å få greie på samla husdyrhald. Og oppgave over utsåd og avling får me først i 1792. Då sår dei på begge brukta tilsaman 7 tn bygg mot 4 tn i 1668. Avlinga

blir oppgitt til 40 tønner. På det eine bruket har dei då og tatt til med poteter. Dei set ½ tn og avlar 4.

Frå 1867 har me denne oppgave: Bygg uts. 4 tn, avl. 20 tn, kveite ½ — 5, havre 4 — 18, poteter 7 — 50. Høy 67 skippund. Buskap: 2 hestar, 11 kyr, 14 sauer.

Som me ser er avlinga auka. Med 2 hestar på garden har dei kunna arbeide jorda betre, og betre reidskap har dei nok au fått. Matrikelkommisjonen, som dei siste tala skriv seg frå, gir som nemnt opp det dyrka arealet til 46 mål. Dessutan av naturlig eng: 5 maal sumpig, dog god engmark. (Dette var før søkkinga av Landvikvatnet. Nå har garden ca. 60 dekar dyrka mark) Vidare er av kommisjonen ført opp: 4 læs hø paa udslaatter. Havnegang: bekvem, middels god, omtrent tilstrækkelig. Skogprodukt til salg årlig: gran, furu og eik for 55 spd 90 sk. Lauvskog til fór verdsett til 4 spd årlig.

\*

Sætehusa på garden låg før på knausen nede ved den nye vegen. Ein ser ennå rester av dei gamle tuftene der. Og den gamle Inntjorevegen svinga oppom og gjekk gjennom tunet. Inntjorekilen var ikkje då som nå overgrodd av sæv. Vatnet stod 9 fot høgare, og dei gamle hus må ha lege vakkert til der ved kilen. Lars Gurebu, som bygde nye sætehus og uthus etter 1900 flytta husa lenger inn mot heia.

#### *Brukarar og eigarar gjennom 300 år.*

Utanom det som før er nemnt, kan me sette opp eigarrekka for dei siste 300 år. Garden blei delt mellom Ola og Jens, sønene til Anders Olssen, men trulig først i 1693 då mor deira, Maren, døde. Men sønene brukte trulig noe av garden etter faren som det var skifte etter i 1670. Jens hadde ein son, Anders. Han sel sin åsætesrett.<sup>2</sup> Bruket går over til søstera

Maren og mannen hennar Christen Nilsen Omre. Sonesonen Jakob Nilsen Inntjore, eller Jakob Degn som han helst blir kalla, sel i 1807 til Lars Terkelsen av den gamle Hesthagen-ætta. Og broren Auen, eller Øven som han skreiv seg, samla i 1834 begge bruk, og sidan den tid har det bare vore eit bruk i Hesthagen.

#### Eigarar og brukarar:

1651—1670 Anders Olssen  
1670—1693 Maren, enka etter Anders  
1693—1834 :

#### *1. bruk.*

1693—1708 Ola Anderssen  
1708—1725 Terkel Olssen  
1725—1758 Margrete Olsdtr, enke e. Terkel  
1758—1773 Ola Terkelsen  
1773—1785 Johanne Jensdtr, enke e. Ola  
1785—1791 Terkel Olssen  
1791—1793 Lars Anderssen Inntjore  
1793—1799 Gunvor Aanonsdtr, enke e. Lars  
1799—1800 Jens Olssen Støle  
1800—1806 Anders Larssen Dokkedal  
1806—1810 Aase Christophersdtr, enke e. Anders  
1810—1812 Andreas Olssen  
1812—1834 Auen Terkelssen.

#### *2. bruk.*

1693—1730 Jens Anderssen  
1730—1747 Christen Nilssen  
1747—1757 Nils Kristensen  
1757—1793 Jens Kristensen  
1793— Aanon Guttormsen  
1793—1807 Jakob Nilssen  
1807—1810 Lars Terkelsen  
1810—1834 Anders Terkelsen  
1834— Auen Terkelsen.

#### Eigarar frå 1834, heile garden:

1834—1856 Auen Terkelsen (Øven Terkelsen)  
1856—1894 Lars Øvensen Hesthagen  
1894— Terkel Larsen Gurebu. I 1905, matrikelen, står Gustav Terkelsen som eigar. men dette er ikkje å finne i panteregistret.



Det gamle sætehuset.  
Foto frå 1905.

1910— Ved sk e. kona Petrine Gunhilde får Lars T. Dømmesmoen (Gurebu) heimelsbrev på eiegenomen for 20 000 kr. Same året gir enke og myndige arvingar etter Terkel Larsen Gurebo skjøte på garden til Kristen Tjønntvedt (frå Birkenes) for 26 000 kr. Og dermed går garden ut av ætta.

1910—1937 Kristen Tjønntvedt

1937— Hallvard Tjønntveit.

Nærmare om dei som er nemnt her, vil ein finne seinare. Sjå og Hesthagen-ætta og Omre-ætta.

#### Garden kring 1700-talet.

Det første skifte me har frå Hesthagen, er frå 1701. Då skifter Jens Anderssen etter kona Rannei Jensdtr. Dei eig då halve garden, 1 h. Og i 1708 er det skifte på det andre bruket, etter Ola, bror til Jens.

Når me ser desse skifte ihop, får me eit billed av det dei hadde å greie seg med til *gardsdrifta* den tida.

1701: 1 plogjern, 1 gl hestehøversele, 1 tømmerlenke med bolt, 1 bindøks, 1 boløks, 1 handøks.

1708: 1 «gammel udsleden jernharf», 1 hesteputesele, ½ i «it plogjern og ristel», 1 høversele, 2 boløks, 1 bindøks, 1 handøks, ½ part udi en stabensnaver, 1 gl boltelenke.

Annan reidskap er ikkje nemnt. Men dei må i alle fall ha hatt ljaar og sigder. Spader og greip går vel inn under «Trævahre» som ikkje er spesifisert.

Til *matstellet* var det heller ikkje så høvt det dei hadde i den tida.

1701: Dyraste eigneluten er «½ part udi en kobberkiedel 3 rd». Det er det same som for den beste kyra. Vidare: 1 vid blargryde, 1 gl «bruden» ditto, ½ p. udi en gl. brusten helle.

1708: ½ p. i ein kobberkjele. Me får nå vite at han er på 30 pund og verdsett til 3-3-0. Hos Ola er det elles noe meir velstand. Dei har 3 gryter, den største til 1 dalar 1 ort. Og utanom dei tri er det «1 dito lapped 16 sk». Tinnsaker finst ikkje, heller ikkje andre koppar og kar, så det var nok bare treskeier og trefallerkar dei hadde. Og trefat og amberar og slikt til graut og mjølk. Hos Jens har dei ein ringvevd duk dobbel brei og 3 alner lang, og

hos Ola er det 2 dukar 4 alnar lange, så dei pynta nok bordet med duk til høgtid og gjestebod.

*Innbuet* var heller ikkje stort. Eit par furrekister er nemnt i begge skifte. Og sjølvsgat hadde dei bord og faste benker og krakker. I 1708 er det desse «benkeklæder»: 1 flamsk væfved benkedyne med seyl under 3 al lang 1 dl, 1 dito 3¼ al, 1 flamsk høyende med løen skind under. Av dette skynar ein at det var ikkje bare harde trebenker dei hadde. Av sengeklæde og linklæde var det etter måten mykje i 1708. Det er 2 «underdyner», m. a. 1 blaarænned bolster underdyne med nyt wahr og gl. fylld 4½ dl. Det må ha vore den reine luksus, når me ser at den beste kyra ikkje blei sett høgare enn 3 dalar. Og det var nok ikkje til hverdagsbruk, men til gjester, må me tru. Der er 4 hovedputer, den dyraste til 1 dalar, og 5 sengeklæde. Av linklæde er det 4 par lerretslaken, 3½ alen lange og dobbelt breie, til omkring 2 dalar paret, og dessutan 2 par strielaken og 5 lerrets handklæde. Skinnfellar er ikkje nemnt.

*Noe om jordegodset og anna fram til 1800-talet.*

Ved sk etter Terkel Olssen i 1726 har buet 10½ ksk i garden. Resten i dette bruket eig då ei av søstrene til Terkel, Siri. I 1743 sel Svend Eriksen 1½ ksk til Margrete Olsdtr, enka etter Terkel, for 15 rd. Det er trulig det som Siri åtte i 1726. I 1726 har dei på dette bruket 1 hest, 3 kyr, 1 kvie, 3 geiter og 2 sauer. Kyrne heiter Omrei, Stjernrei og Ringrei.

Fram gjennom til 1770-åra er det lite me veit om garden, då det ikkje er skifte eller andre dokument som kan gie opplysingar. Det me får greie på er mest overføring av gardpartar. Såleis ser me at Christen Nilssen Omre gm Maren Jensdtr etter hvert løyser ut søskena til Maren. I 1731 kjøper han 2½ ksk av svo-

geren Christen Anderssen Birkeland (Tyssekil) for 24 rd. Og Anders, som har åsætesretten, sel 4½ ksk for 80 rd same året. Og i 1749 gir Margrete Jensdtr seg i follaug til svogeren for dei 2<sup>2</sup>/<sub>5</sub> ksk ho har arva, og då sit Christen som eigar av heile bruket 12 ksk eller 1 hud.

I 1758 gir Margrete Olsdtr seg i follaug til sonen Terkel. Ho sit då med 6¾ ksk i garden og deler med borna. Sonen Ola får 4½ ksk, søstera gm Anders Larsen Inntjore får 2¼ ksk. Men same dagen sel Anders 4 ksk til svogeren for 48 rd. Saman med sin arvelott etter faren sit han då med heile bruket, 1 hud. Det har han au ved sk i 1773. På garden har dei då: 1 blakk fole (10 rd), 6 kyr, 1 kvie, 6 geiter, 4 sauer. Kor mykje dei før på det andre bruket i dei år, får me ikkje greie på, då det ikkje er noe skifte der.

Etter at Johanne Jensdtr gir seg i follaug i 1785, tar sonen Terkel til å løysa inn dei partane søskena arva. Etter at mora er død i 1789 løyser han inn resten 6⅔ ksk for litt over 133 rd, men i 1791 sel han så garden til Lars Andersen Inntjore for 800 rd. Lars var søskenbarnet hans. Mor hans, Anne Terkelsdtr, var frå Hesthagen. Terkel flytter så til Udjus, der kona hans har gard. Lars budde nok ikkje i Hesthagen. I 1792 er sonen Aanon Larsen der. Han kjem til Lunden. Enka etter Lars sit med bruket fram til 1799. Då sel ho til Jens Olsen Støle, bror til Terkel, for 880 rd. Han sel alt året etter til Anders Larsen Døkkedal for 1050 rd. Og dermed er dette bruket noen år ute av ætta, fram til 1812 då Auen Terkelsen Udjus, son til Terkel Olsen, kjøper det att for 3000 rd. Men enka etter Anders Larsen Døkkedal, ho heitte Aase Christopersdtr, sit nok på garden som brukar noen år framover. Ho blir enke i 1806, men året etter er ho gm ein Isak Kittelsen og dei bur i Hesthagen i 1817 då det er sk etter ei av døtrene til Aase, Inger Andersdtr, som då eig 9/6 ksk i garden,

men i 1820 er Auen flytta dit. Og han overtar også det andre bruket i 1834, som ein ser av eigarrekkja, og heile garden er dermed på ny eit bruk.

Det andre bruket sel Jens Christensen, dotterson til Jens Anderssen Hesthagen, i 1793 til Aanon Guttormsen. Han hadde gifta seg til eit bruk i Vatnestrand, men selde det og kjøpte Hesthagen-bruket. Men han makeskifter noen månader etter med Jakob Nilsen Inntjore (Jakob Degn) med hans bruk i Lia. Jakob er av Omre—Hesthagen-ætta. Farmora var Mari

Jensdtr. Og Jakob sit med dette bruket til 1807 då han sel til Lars Terkelsen for 2000 rd. Lars sel att til Anders Terkelsen Udjus av Hesthagen-ætta. Han budde seinare på Lunden. Anders sel i 1834 til broren Auen for 400 spd.

#### MERKNADER

1. Etter Torkel Imenes. Han skriv: Torkel hadde høyrte at det var eit bruk på Inntjore til sals, og tok avstad for å kjøpa det, men kom for seint, det var då seld. Det vart likevel til at han seinare (fyrst i 1660-åra) fekk kjøpt Hesthagen av Nørholmen.
2. Han var i København i 1730-åra.

## INNTJORE

Gnr 23

Eldste vitnemålet om Inntjore er eit dokument frå 1427.<sup>1</sup> Jens Niklisson og to lagrette-menn kunngrer at Paal Sveinsson på vegne av sine foreldre Svein Paalsson og Randi Sværes-dtr og Rolv Sveinsson, bror sin, overdro Gud-run Torolvsdtr ni månadmatsleige i Halleland i Holum som betaling for «Inthiorar» i Landvik og dessutan 2½ «morkguls i lauso».

Utanom Hommedal, Dolholt og Landvig er dette den fyrste garden i bygda me finn skriftlig kjelde om i Landvik. Garden er gamal og var fullgard med skyld på 6 huder, i 1668 sett ned til 5 huder.

Frå 1427 går det nærare 200 år før me finn garden nemnt. Det er i lensreknesk. 1624—25. Jordebokens formering Indthiure ½ hud. Me finn ikkje Inntjore nemnt i lensreknesk. 1610 og utover. Først i 1626 er nemnt Peder Indthiure som krone- og leiglendingsbonde, men denne Peder er ikkje nemnt seinare enn i 1629. Under kopskatten i 1645 har me Gunhild og sonen Nils, en pige Thonne. Og vidare: Simen og hans qvinde, en pige Rannei. Simen er nemnt 1647—50, men ikkje seinare. Grunnen er nok at garden då kom i bondeeiige. Landskatten 1647 viser at det var borgermester i Skien Johan Thinne Pofuell som åtte garden (og likeins Hesthagen). Han leigde då garden

til Gunnil, Simen og Nils Intiure, likeins i åra fram til 1650. Men i 1651 står Gunhild, Nils og Laurits som eigarar og brukarar. Sidan den tid har garden stort sett vore i eiga til etterkomarane av dei som er nemnt som eigarar i 1651. Ingvald Gundersen er såleis 8. mann i bein mannsline frå Laurits (Lars Andersen), og Gunnhilde Inntjore har same namnet som den første Gunhild me finn på garden og ættar frå henne.<sup>2</sup>

\*

Me kan vel gå ut frå at Inntjore opphavlig har vore bare eit bruk, men frå 1640-åra er det tydelig at garden er delt i to. Ikring 1650 kjem Lars Andersen til garden og har tri huder, Gunhild og sonen Nils har dei andre tri. I 1668 blir som nemnt skyldet sett ned til 5 huder og dei eig og brukar 2½ hud hver, det same i 1674. Men sidan blir garden meir oppdelt. Etterkomarane etter Nils kjem etter hvert til å sitte med omlag ¾ av jordegodset. Det er vel grunnen til at Inntjore søndre i matr 1838 bare er ¼ av heile garden (seinare bnr 1—2). Me skal først sjå litt på

### *Inntjore søndre.*

Lars Andersen som åtte og brukte halve Inntjore hadde m. a. sønene Anders og Terkel.

Anders brukar 1 hud  $6\frac{3}{4}$  ksk og eig  $7\frac{1}{2}$  ksk i 1706, men ved sk 1714 er han eigar av  $11\frac{1}{4}$  ksk. Han hadde i 1711 kjøpt av broren Hans Larsen Mørholt. Terkel er død før 1693 då enka gifter seg oppatt med Haagen Nilsen (Inntjore nordre).

I 1723 sit Lars Andersen den andre med 1 hud 3 ksk og med dette skyld går så bruket vidare til matrikkelrevisjonen i 1838 då det nye skyld blir 4 dl 19 sk, medan skyldet på dei tri bruka i nordre garden blir 4 dl 3 ort 18 sk på hvert. I 1882 blir garden delt mellom Gunder Tobias Terkelsen og broren Aanon som får bnr 1 og dei gamle husa. Dei låg litt sør for Gunhilde Inntjores hus og stod til ut i 1930-åra. Gunder Tobias bygde på Nyvoll, bnr 2. I 1906 overtar sonen Nils Gundersen også bnr 1 frå farbroren Aanon. Og i 1931 blir begge eigedomane slått saman av Ingvald Gundersen som i 1920 hadde kjøpt bnr 1 for 4000 kr. og farsgarden i 1929 for 20 000 kr. Ein parsell, Savemyr, av sk 5 øre blei fråskild i 1920 (bnr 7), men slått saman med nr. 2 i 1931 etter krav frå Ingvald Gundersen som nå altså har det gamle Inntjore søndre udelt. Skyld 7.30.

#### *Inntjore nordre.*

Til Inntjore nordre høyrer tri bruk som i lang tid har vore like i skyld, 1 hud 3 ksk, nå mk 9.76. Bnr 3 eigar Gunhilde Inntjore og bruk nr 4 Lars (Martinius) Inntjore er framleis like i skyld. Frå bnr 5 (Mathis Inntjores enke) blei i 1876 fråskild vel 3 ksk (bnr 6) som Lars Kristensen Udjus fekk som arv med kona. Sidan har denne eigedomen høyrd til Udjus-folket.

Den opphavlige delinga går trulig tilbake til 1680-åra. Me såg at Nils Olsen (Oluffsen) hadde halve Inntjore i 1674. Bruket blir så delt mellom sønene Ola, Knud og Haagen.<sup>3</sup> Dei har nok au fått tak i noe av jorda som

Lars Andersen hadde. Såleis gifter Haagen seg med enka etter Terkel Larsen Søre Inntjore og med henne får han  $3\frac{3}{4}$  ksk jordegods og sit med  $14\frac{3}{4}$  ksk då han går bort. Stesonen Lars Terkelsen gifter seg med Johanne Olsdtr og får jord med henne i Inntjore nordre. I 1742 sit han med 1 hud 3 ksk i garden, det seinare bnr 5 Inntjore nordre. Bruket hans går 1752 over til Nils Christensen Hesthagen (av Omre-ætta) gm eldste dottera som var gardjente. Sonedottera til Nils Christensen blir gm Elef Nilsen, og garden går over til dei. Eilev var son til Nils Eilevsen Aagre som var gm Gunhild Nilsdotter og hadde bnr 3. Eldste dottera til Nils Eilevsen, Gunhild, blir gm Anders Andersen Bua (Gitmark) og dei får garden. Son deira var Elias Andersen og sonsonen Mathis Inntjore som fekk garden (bnr 5) i 1929. Skyld mk 7.78. Det fråskilde bnr 6 har skyld mk 1.98.

Nils Haagensen sel i 1761 til Tore Olsen Havstad. Mor til Tore var frå Inntjore og søster til kona til Nils. Garden var på 1 hud 3 ksk og prisen var 1980 rd. Dette er det bruket som Øven Terkelsen Hesthagen kjøpte og som sidan har vore i denne ætta (bnr 4).

#### *Eigar- og brukarrekkje gjennom 300 år.*

##### *Bnr 1—2.*

1650—ca. 1677	Lars Andersen
1677—1714	Anders Larsen
1714—1741	Lars Andersen
1741—1773	Anders Larsen
1773—1793	Lars Andersen
1793—1811	Gunvor Aanonsdtr, enke e. Lars
1811—1865	Terkel Larsen
1865—1882	Johanne Gundersdtr, enke e Terkel
1882—1906	Aanon Terkelsen (bnr 1)
1906—1909	Nils Gundersen (bnr 1)
1909—1919	Gustav Adolf Gundersen
1919—	Ingvald Gundersen
1882—1929	Gunder Tobias Terkelsen og Nils Gundersen (bnr 2 Nyvoll)
1929—	Ingvald Gundersen (bnr 1—2).



*Bnr 3.*

- Ca. 1650—1680 Nils Oluffsen (3—2½ hud)  
 Ca. 1680—1732 Ole Nilsen (1 hud 3 ksk)  
 1732—1757 Nils Olsen  
 1757—1808 Nils Eilevsen Aagre (gm Gunhild  
 Nilsdtr)  
 1808—1845 Nils Nilsen  
 1845—1860 Johannes Jensen Støle (gm Gunhild  
 Nilsdtr)  
 1860—1865 Gunhild Nilsdtr  
 1865—1909 Jens Johannesen  
 1909—1930 Johannes Jensen  
 1930— Gunhilde Indtjore

*Bnr 4.*


- Ca. 1650— Nils Olufsen  
 Ca. 1691—1724 Knud Nilsen  
 1724—1739 Gunhild Ommundsdr  
 Ca. 1691—1734 Haagen Nilsen  
 1734—1761 Nils Haagensen  
 1761—1812 Tore Olsen (Havstad)  
 1812—1828 Gjerul Torsen  
 1828—1853 Øven Terkelsen Hesthagen  
 1853—1880 Lars Øvensen  
 1880—1893 Martinius Larsen  
 1893—1922 Johanne Indtjore  
 1922— Lars Indtjore  
 1952— Martinius Indtjore (halve garden)

*Bnr 5.*

- Ca. 1650—1680 Lars Andersen  
 Ca. 1680—1684 Terkel Larsen  
 1684—1693 Sissel Telleivsdtr (enke e. Terkel)  
 1693—ca. 1720 Haagen Nilsen — Lars Andersen  
 1720—1752 Lars Terkelsen  
 1752—1793 Nils Christensen Hesthagen  
 1793—1811 Lars Nilsen  
 1811—1816 Margrete Torsdtr (enke e. Lars)  
 1816—1861 Eilef Nilsen  
 1861—1875 Nils Ellefsen  
 1875—1896 Gunhild Ellefsdtr  
 1896—1929 Elias Andersen  
 1929— Mathis Indtjore

*Brann og utflytting.*

Til 1814 låg alle hus på garden samla der bnr 3 (Gunhilde Indtjore) har sine hus.<sup>4</sup> Ei novemberratt det året stod heile garden i ljøs loge. Dei som det brann for var Nils Nilsen, Gjerul Torsen, Terkel Larsen og Margrete Torsdtr, enke e. Lars Nilsen Inntjore. Dei møter



*Det gamle sætehuset som sto på bnr 1.*

i retten 5. juni 1815 og melder om at 6 veker før jul året før «opkom en ulykkelig vaadeild som ødelagde samtlige deres vaaningshuse og til disse deres udhuse som hørte til deres brug i garden». Dei eig hver for seg 1 hud 3 ksk i garden. Aanon Larsen Lunden og Anders Larsen Havstad møtte som vitne. Hos Terkel Larsen stod det att stall og løe «hvilke sidste var gamle og skrøbelige». Verdien kunne ikkje settast høgare enn 1/6 av alle bygningane på bruket. Hos Margrete Torsdtr blei det berga «2de gamle fæhuse», men desse er nå revne «saasom hun har forandret byggeplads tillige med de øvrige opsiddere, og saaledes flyttet fra hinanden».

Brannen var ein katastrofe for garden. Dei hadde ikkje branntrygd den gongen når ulukka var ute. Ein av bøndene, Gjerul Torsen, som nylig hadde overtatt garden, måtte i åra etterpå stadig ut på lånevegen. Han bygde nye tohøgda sætehus og timbra nye uthus på «Kjerringvollen». Då han døde, laut enka gå frå garden: I 1870-åra bygde så Lars Øvensen dei sætehus som nå står, og enka hans Johanne sette opp nye uthus i 1903.

Terkel Larsen flytte litt lenger sør for den gamle tufta. Det var desse husa som blei revne i 1930-åra. Også Margrethe Torsdtr flytte som nemnt ut og bygde nytt (nåv. bnr 5).

*Spreide drag og minne.*

Utanfor Nyvoll var det kverner i gamal tid. Rughavdalen var då oppstemt. Kvennene var elles gamle på garden. Alt i 1621 ser me at det på Inntjore er utlikna ½ rd i kvenskatt. Badstove har dei på alle bruk. På bnr 4 stod det såleis badstove opp mot siste hundreårsskifte.<sup>5</sup>

I 1880-åra tok dei til å sende mjølk til meieriet. Dampbåten Trygg gekk då i noen år innom Tangen der brua nå er. Der var det brygge. Seinare blei det å køyre mjølka over skogen til Hesthagen, over den gamle trebrua der, forbi Vatnestrand, og så dei bratte kleivane over Eineid til Reddalsvegen. Her sleit dei seg au fram sommers tid med ½ lakter ved på lasset. Elles hende det at dei tok veden i bom og slepte til Landvik-stranda, og så kørde dei derifrå til Grømsstad. I 1916 kom det ny veg, og med den kom det au ei ny tid for den avstengte garden og grenda.

Det finst ingen serlige segner om Inntjore, men i skogen er det mange gravhauger. Ein gamal buplass er trulig Skauhaven der det er merke etter teiger, men det må ha vore svært lenge sidan det budde folk der, trulig på 16—1700-talet. Inntjore byter med Vatnestrand—Tyssekil i vest til Gitmarkstrengen tek til ved Kilekjær. Derifrå til Røvåren. Det må vera ein gamal endestav, for her kjem både Inntjore og Eidegardane Gitmark, Omre og Lindtveit til. Frå Røvåren går bytet i austlig retning, i bytet med Omre til Nørholmen byte. I nord byter ein så med Hesthagen.

Av dei skriftlige kjeldene er det lite me får

vete om det daglige livet på garden. Folk på Inntjore har — ser det ut til — levd i fred og fordragelighet. Einaste retssak eg har funne er ei sak om lyngriving i 1790. Nils Christensen stemmer då Lars Andersen for at han riv lyng i Inntjoreheia som Nils hevder ligg til hans bruk. Lars på si side hevder at han har rett til å rive lyng der det høver best, og Inntjoreheia låg lagligst til. Lyngen brukar dei til «bosning». Det er ikkje mindre enn 9 sider i rettsboka om denne saka og retten er på synfaring på garden og det blir ført vitne, men det ender med at saka blir utsett. Av namn som blir nemnt er Rughavdalsheia s.v. for Inntjoreheia.

I slutten av juni året etter er retten på ny på Inntjore og det er nå au synfaring på «nogle av aavirkings-aastæderne». For retten møtte og Nils Ellefsen og Thore Olsen Indtjore — «hvilke alle forklarede og vedtog til en regel for eftertiden: at saasom fæbeedet havde fra gammelt været fælles over den gandske gaard, saa ville de og, at ingen i særdeleshed av dem skulle have hverken ret eller frihed i enten sin egen eller nogen andens lod at oprive, sanke eller hjemføre lyng (Nils hadde hevda at det skadde skogen, dei rykte opp planter), og at den som dermed betrædes, skal bøde for hver byr 1 rd til sognets fattige og 1 rd til hver av de andre opsiddere eller lodeiere, samt dobbelt saa meget for et læs av lyng. Og hvis en eller anden av dem skulle nødvendig behøve lyng, maa han dog ei avrykke eller sanke og hjemføre samme uden at han dertil har samtykke av de øvrige lodseiere i hele gaarden, og av dem gives udvisning paa det stæd i udmarken, hvor slig lyng maa tages».

Med dette er saka forlikt. Og uløyves henta nok ingen heretter heim bøs til buhuset, så dyrt som det ville ha blitt.

*Buskap, utsåd og avling gjennom 200 år .*

År	Utsåd (tn)	Avling (tn)	Hestar	Naut	Sauer	Geiter	Merknad
1668	10		4	30	60		«smaler»
1723	12		4	28	24	20	
1792	16	96					
1867	9	44½	3	15	18		

Korntiend 1668 var på 3 tn 3 notting.

I 1867 kjem til 9½ tn utsåd av poteter og ei avling på 54 tn. Og så dreiv Auen Hesthagen bare med høy på Inntjore. Den samla høyavling er sett til 251 skp. Poteter ser me blir avla i 1792. Då er «utsæden» 1⅝ tn og avlinga 13 tn.

Oppgava ovanfor er frå matriklane. I 1832 har me ein takst for bnr 1. Terkel Larsen søkte då lån i Norges Bank. Utsåd av bygg blir oppgitt til 4 tn og avling 30 tn. Og det blir oppgitt at garden kan fø 1 hest, 8 kyr og 12 sauer. Verdien av garden, utan hus men med skogen til, blir sett til 1000 spd sølvverdi.

På same bruket har dei i 1714: 1 hest, 4 kyr, 1 gjeldbukk, 4 sauer, 2 lam, 4 geiter, 3 kje. I 1735 (sk e. Haagen Nilsen): 1 hest, 5 kyr, 1 stut, 3 årskalver, 3 geiter.

Ved sk 1800 bnr 4: 1 hest, 3 kyr, 2 kvier, 1 tjør.

Ved sk 1742 bnr 3 (Nils Olsen): 1 hest, 3 kyr, 4 kvier.

Knud Nilsen hadde ved sk 1724: 1 hest, 4 kyr, 2 stuter, 1 kvie, 2 sauer, 3 geiter, 1 galte.

Den samla vidde av dyrka jord er i 1867 oppgitt til 157½ mål — «meget god jord paa leer», men som mest alle gardar i ytre bygda er det ikkje større slåttemark, i alt på heile garden skrapslåtte til 5½ lass høy. Av naturlig eng er det bare 2 mål «gode bakker». Alle eigedomane blir karakterisert som lettbrukte.

Skylddelingskommisjonen gjer framlegg om å sette ned skyldet for bnr 1 frå 4 daler 19 sk til 3 daler 3 ort 10 sk. Dei tri andre bruka blir sett opp frå 4-3-18 til 4-4-15.

#### *Skogen.*

Skylddelingskommisjonen 1867 set salsverdet av skogen (gran, furu, eik) til netto årlig: Terkel Larsens bruk 25 spd, og dei tri andre bruka til 59 spd hver. Om Terkel Larsens bruk heiter det i 1832: furu og gran, kun lidet eeg,

mest voksterskog, netto aarlig 12 spd, men kan gi mere.

Skogvidda til Inntjore er ikkje stor, det blir oppgitt 2500—3000 mål, men det er delvis svært god skogmark, serlig i stroket inn til Tyssekil. Her har vore svær skog for ikkje så lenge sidan.

#### *Folketalet på garden.*

I 1666 var 2 åsittarar og 7 søner. I 1701 er det 4 brukarar, 5 søner og 2 drenger, tils. 11. I 1711 (skoskatten) er det 22 personar på Inntjore, i 1692 er talet vakse til 27. Det er då 10 vaksne gifte, 6 søner, 6 døtre, 4 tenestejenter og 1 dreng. I 1801 er folketalet det same som i 1711, men i 1875 er det bare 9, og av desse er det 5 tenestejenter og 1 dreng. Nå er husmannsplassane komne til med i alt 19 personar. Tri er ute til sjøs, så heime er det medrekna plassane i alt 25 personar på garden.

#### PLASSAR UNDER INNTJORE

Det er frå gamalt ikkje nemnt plassar under Inntjore. Me har tidligare nemnt Peder Indthiure som krone- og leiglendingsbonde i 1620-åra. Han er ikkje nemnt sidan, men i lensrekneskapen 1658—59 finn me: Nils Pedersen Indtjore for leiermaal med sin kone før deris brøllop sonet efter sin formoffue for penge 1 rd. Det må trulig ha vore husmannsfolk og Nils er kanskje son til Peder som tidligare er nemnt, men ved mt 1664—66 er det ikkje husmenn på Inntjore. Det merkelige er at den første me finn i kyrkjeboka for Inntjore er ei Aase Pedersdtr Intiorskaug som i 1691 g med Hans Bjørnsen. Same året er død Sissel Ommundsdtr Indtjør skoug. Det må trulig vera folk som har budd ein stad i Inntjore skog, utan å vera husmenn.<sup>6</sup> På 1800-talet var det 3 husmannsplassar: Kleivehaven, Buhaven og Slettane.

*Kleivehaven.*

Denne plassen ligg et stykke ovanfor Lars Inntjores hus, men han høyrer til bnr 1. Det var Terkel Larsen som i 1836 feste plassen til Aslak Andersen for årlig leige 3 spd. Aslak er nemnt som inderst på Inntjore 1832 og er gm Anne Aanonsdtr. Anne dør etter barsel i 1840, Aslak i 1852. Dei hadde borna Aase Marie 32, Andrea 35 og Anders 1840.

Etter Aslak overtok ein av sønene på garden, Gunder Tobias Terkelsen, plassen. Han var skipper og overtok først i 1882 halve fars-garden. Kleivehaven blei då nedlagd og det har sidan ikkje budd folk der.

*Slettene*

høyrde til bnr 4. Her må det ha budd folk frå 1820-åra. I 1821 ser me at Gunder Taraldsen Indtjor vigjer med Anne Marthea Ommundsdr. Gunder lever til 1873 og er då nemnt Gunder Taraldsen Slettene. Han blei 81½ år. Dei hadde borna Aase Oline 21, Tobias 24, Anne Marie 26, Ommund 29, Mads Christian 31, Gunder Andreas 34, Ole 37—39, Ole 40.

Mads Christian overtok plassen etter faren. Han var skomakar og gm Andrea Aasine Arnoldsdr Tyssekil. Dei hadde borna Gunder August 66, Anton Martinius 68 d.s.å., Olga Johanne 69, Anne Marte 73, Anton Martinius 75, Matilde Alvilde 80, Ole Oscar 83.

Mads døde 1885. Han feste i 1880 plassen for årlig leige 32 kr. Til plassen var det omlag 7 mål dyrka jord.

Eldste bror til Mads, Tobias, var gm Anne Tomine Olsdr. Dei hadde ein son Gustav Olaus 55. Tobias og kona flytte til Fjære 1857. Den eldste av borna til Mads, Gunder August, blei styrmann og budde på Myra, Landvik. Anton Martinus var sjømann og reiste til Amerika ikring hundreårsskiftet. Anne Marthea blei gm Nils Johan Nilsen Næsset, Skiftenes. Matilde Alvilde gm Torkel Larsen Helle, Konsmo.

Dei reiste til Amerika. Slettene blei nedlagd som plass i 90-åra.

På Slettene hadde dei i 1875: 2 kyr, 1 kalv og 2 sauer. Dei sådde ¼ tn kveite, ¼ tn bygg, ¼ tn havre og sette 2 tn poteter.

*Buhaven*

var au plass under bnr 4. Lars Øvensen fester plassen til Christen Abrahamsen og kona for livstid i 1867. Men dei hadde nok budd på plassen tidligare. Kona var Aase Oline Gundersdr frå Slettene.

Kristen var frå Hasseldalen, ein plass under Narholmen. Han var f 1826 og døde i Buhaven 1888. Han er nemnt Christen Abrahamsen Hasseldalen då han i 1847 får eit barn med Aase. Dei er gifte og bur på Inntjore, trulig i Buhaven, i 1850. Dei hadde elles borna Gunder Andreas 1850 (d 78 som matros), Anton 52—56, Anne Matea 55, Anton 58, Olivia 60. Den eldste var Christen Olavus f 47. Det er bare Gunder Andreas som er heime i 1875. Kristen Abrahamsen er då nemnt husmann med jord. Tøffelarbeider. Dei hadde ikkje buskap på plassen då. Sådde 1/12 tn kveite, 1/2 tn havre og sette 1½ tn poteter.

Dei siste som budde i Buhaven var Henning Herlofsen og kona Siri Legsdtr. Dei var der i åra 1894—95. Kom sidan til Vatnestrånd.

*MERKNADER*

1. DN VI s. 452—53.
2. Sjå om dette under Inntjore-ættene.
3. Sjå Inntjore-ætta I.
4. Etter Lars Indtjore.
5. Tradisjonsstoffet i dette avsnittet er etter Lars Indtjore 1957. Han minnest at han var med sin far til Hesthagen der dei au hadde badstove. Der la dei kornet til tørk på pallane. Han kan ikkje minnest at dei la malt og brygde øl, men mor gjorde det, legg han til.
6. Lars Indtjore meiner dei kanskje kan ha budd i «Skauhaven». Det er ein stad sørvest i skogen der det er tydelige merke etter buplass, men det lever ingen tradisjon om at det har vore folk der.

## TYSSEKIL

Gnr 24

Tyssekil er nå ein einbølt gard. Den gamle sørlandske hovedvegen går gjennom garden, men dei svære kleivane stenger for moderne trafikk.

Dei var leiglendingar dei som sat i Tyssekil på 1600-talet. Den første brukaren me kjenner, er Nils Jensen Tyssekil i åra 1610—24. Han åtte i 1624 på vegne av kona si 10 ksk i Gusdal, men me kjenner ikkje meir til han. I åra 1627—32 er Aage Tiusekiel der (også skreven Tiustekiell) og frå 1627 Olluff. Tore Torgiussen (Udjus) åtte ½ hud i garden i 1624. Han var trulig inngifta i Torp-ætta. Arne Hafstad åtte dette seinare. Resten, 1 hud, var på utanbygds hender. Arvingane etter Kristen Hjort hadde dette i 1647. Då var det Gunhild Thøsekiel som brukte garden. Ho var trulig enke etter Olluff som var nemnt med sin «quinde» i 1645. Frå 1651 er Mogens Andersen leigar. I 1657 betalar han 1 dl 1 ort 17 sk i kvegskatt. Han var 48 år i 1664. I 1668 åtte han på vegne av sine stebarn ½ hud i Kiland, medan Berulv Kiland åtte ½ hud i Tyssekil. Berulv var av Torp-ætta. Halvor Ve hadde Hjort-godset då.

Me kjenner ikkje større til Mogens Andersen. Han var lagrettemann. Hadde ein son Peder som var 13 år i 1664. Men han høyrer me ikkje meir til. Ei dotter, Karen, vigde med

Arne (Arnold) Aslaksen Vatnestrand og dei overtok garden.<sup>1</sup> Bror til Arnold, Jens Aslaksen, vigde med Torber Mogensdtr. Dei budde på Vatnestrand. Jens fekk kjøp på ½ hud i Tyssekil i 1696 av Christen Aanonsen Borgen i Tveit for 50 rd. Broren fekk så kjøpe resten av Hjort-godset i 1701. Arnold må noe snart ha overtatt 3 ksk av dei 6 som broren Jens hadde kjøpt. Og han, eller svigerfaren Mogens Andersen, har trulig makeskift med Kilandsfolket den halve hud som Berulv Kiland hadde, for i 1701 står Arnold som brukar av 1 hud 3 ksk og i 1706 som eigar. Mesteparten av Tyssekil har sidan vore i same ættlegget.<sup>2</sup>

Då Arnold Aslaksen dør i 1719, blir garden delt mellom sønene Aslak og Anders som brukar 7½ ksk hver i 1723. Anders Jensen Vatnestrand brukar 3 ksk. Året etter sel han og broren Aslak Jensen Aagre desse 3 ksk til sine søskenbarn Aslak og Anders Tyssekil. Aslak d i 1731 og åtte då 6½ ksk i garden. Sonen Jens, som var f 1726, g seg i 1752, men hadde ikkje born. Han gifte seg på ny i sine eldre år og fekk ei dotter, Rannei, i 1791. Jens d 1793. Rannei som var gardjente, vigde i 1808 med Nils Sørensen Øvland frå Finsland og ætta etter dei har sidan sete på garden. Den siste i mannsline var Jens Nilsen Tyssekil.

Arvingane selde garden i 1935 til Johanne Gundersen Myren. Ho var søster til Jens. Dotter hennar, Sofie Hortemo, fekk garden i 1939 for 26 500 kr. Bruket er nå på  $\frac{3}{4}$  av garden etter gamalt skyld, då Jens Nilsen, son til Rannei og Nils, kjøpte til  $4\frac{1}{2}$  ksk i 1859 for 500 spd (bnr 2). Dei hadde frå før 9 ksk (bnr 1) eller halve garden etter gamalt skyld.

\*

Me skal nå sjå hossen det gjekk med det andre bruket i Tyssekil. Anders Arnoldsen hadde 9 ksk, eller halve garden, ved dsk i 1759. Son hans, Arnold, hadde  $7\frac{1}{2}$  ksk, dsk 1784. Ingen av sønene overtok. Det var dottera Todne g 1791 med Anders Tygesen Jaavoll, som kom til Tyssekil.<sup>3</sup> Dei er brukarar i 1792. På det andre bruket sat Aase Svendsdtr, enka etter Jens, som same året som Jens d vigde oppatt med Aanon Øyulvsen (1793) og dei brukar nok garden noen år. Aase d i 1804. Med Aanon hadde ho to born, Ane og Jens. Ved sk etter Ase var det ikkje noe att. Aanon d som legdslem i 1846 — 70 år gl.

Anders Tygesen kjøper odelsretten av sin svoger Anders Arnoldsen i 1797 for 80 rd og løyser etter hvert inn arvepartane i garden, men han kom til å sitte hardt i det og må stadig låne pengar. I 1810 sel han så halve bruket,  $4\frac{1}{2}$  ksk, til Lars Christensen Rørmoen<sup>4</sup> for 790 rd. Med i kjøpet fylgde  $\frac{1}{16}$  i Nærebø sag. Det fråskilde bruk får lnr 65. Anders sit med resten til 1831 då han sel til sonen Arnold Andersen for 200 spd (lnr 66).

Han sit au trongt i det og må låne. I 1847 får han 150 spd av Ole Knudsen Nærebø mot 1. pr. i bruket, året etter låner han 100 spd av Øven Terkelsen Hesthagen mot 2. pr., auka til 240 spd i 1857. Men året etter ser me at han er skyldig Ole Knudsen 70 spd i renter. I 1862 sel han så til Ole Gislesen som då budde på Dolholt. Ole Gislesen, eller Ola Tys-

sekil som han sidan blei heitande, var komen frå Nepstad i Konsmo f 1819. Han var gm Ingeborg Knudsdr Hafstad f på Hørte.<sup>5</sup> Dei hadde ein son, Gunder, som var på T. i 1875. Etter at Ola var død i 1897, kom bruket på handel (lnr 66 — bnr 3).

Lars Christensen som kjøpte dei  $4\frac{1}{2}$  ksk i 1810, sat med bruket til sin død i 1824. Eige- domen gjekk ved sk 1828 over til Aanon Larsen. Han flytta til Amtedal i E. og selde T. i 1836 til broren Ole Christian. Han flytta til Arnevig i E. og selde bruket i Tyssekil i 1859 til Johan Christensen Songe for 500 spd. Men Jens Nilsen får så eige- domen same året, som tidligare nemnt for 500 spd, men med rett for seljaren til «udhugst i 3 aar».

#### *Eigarar og brukarar gjennom 280 år.*

##### *1 bud 3 ksk.*

Ca. 1677—1719 Arnold Aslaksen.

##### *9 ksk lnr 64 — bnr 1.*

1719—1730	Aslak Arnoldsen
1731—1751	Guro Jensdtr, enke e. Aslak, gm Christen Andersen Birkeland
1751—1793	Jens Aslaksen
1793—1804	Aase Svendsdtr, enke e. Jens, gm Aanon Øyulvsen
1804—1839	Nils Sørensen gm Rannei Jensdtr
1839—1843	Rannei Jensdtr ( $4\frac{1}{2}$ ksk)
1839—1843	Jens Nilsen ( $4\frac{1}{2}$ ksk)
1843—1861	Jens Nilsen
1861—1874	Johanne Mikkelsdtr, enke e. Jens
1874—1925	Nils Mikal (og Reinert) Jensen
1925—1935	Jens Nilsen
1935—1939	Johanne Cecilie og Gunder Aug. Gundersen
1939—	Sofie Hortemo (bnr 1 skyld mk 4.26)

##### *9 ksk (frå 1724).*

1719—1759	Anders Aslaksen
1759—1784	Arnold Andersen
1784—1791	Sissel Andersdtr, enke e. Arnold
1791—1810	Anders Tygesen gm Todne Arnoldsdtr.

*Lnr 66 — 4½ ksk — bnr 3.*

- 1810—1831 Anders Tygesen  
 1831—1862 Arnold Andersen  
 1862—1897 Ole Gislesen  
 (Bruket selt ved auksjon 1900 for kr. 2905)  
 1900—1904 O.r.sakf. Grønneberg  
 1904—1909 Henrik Jonassen Vatne  
 1909—1936 Bernhard og Martinius Corneliussen, Lillesand  
 1936—1938 Bernhard Corneliussen  
 1938— Selma Torjusen (overtok for 15 000 kr.)  
 Egedomen har skyld mk 2.20.

*Lnr 65 — 4½ ksk — bnr 2.*

- 1810—1824 Lars Christensen  
 1824—1828 Elen Rasmusdtr, enke e. Lars  
 1828—1836 Aanon Larsen  
 1836—1859 Ole Christian Larsen  
 1859— Jens Nilsen.

Sidan 1859 same eigar som bnr 1, til 1933. Då overtok Matilde Regine Tyssekil, dotter til Reinert, denne egedomen for 2200 kr.

*Bnr 4*

blei skild ut frå bnr 2 i 1939, skyld 45 øre. Seld same året av Matilde Tyssekil til Sofie Hortemo for 2000 kr. Sjå bnr 1.

\*

Leigar i Tyssekil frå 1940: Karsten Nilsen, frå 1951 Per Hortemo.

*Litt om garden.*

I matr 1668 heiter det at dei kan så 3 tn, fø 10 naut og hest og 10 «smaler». Korntiend 3 fj 4½ notting. Skog til smålast og brenne. I 1723: Utsåd 2 tn 4 skj, 1 hest, 7 naut, 5 sauer, 5 geiter. «Skov til smaa eegelas.» Eik til skipsbruk har dei nok dreve ned gjennom tidene, garden låg laglig til slik og i dei logne smådalane veks det godt. I 1618 blir Nils Tyssekil dømt til å betale 6½ dl fordi han hadde levert to eikebjelker til ein hollendar

som lasta i Kaldvellfjorden, men hadde ikkje fått betaling!

Arnold Aslaksen, som brukte mest heile garden hadde i 1714: 4 kyr (Juelrei, Skotrei, Snørei, Morlig), 2 kvier (Lastrei, Frærei), 1 tjor Sølvsvend, 1 ditto Skòutsvend, 1 stut Holger, 7 sauer og 4 lam, 5 geiter, 1 «sugesvin», 1 gris, 1 rød hest. Kyrne sett i 3, hesten i 8 rd. Som me ser, samstavar husdyrhaldet tålig godt med matr oppg. eit tiår seinare. I matr er tatt med at Anders Jensen (Vatnestrand) på sin part kunne fø 1 naut, 1 sau, 1 geit. At dei den tida dreiv med griser er heller sjeldsynt. Aslak Arnoldsen, som hadde halve Tyssekil, hadde i 1731: 3 kyr, 1 stutkalv, 5 geiter, 2 fenner (sauer), 1 risbit gjeldbukk, 1 «rødgalte», 1 «suggegris», 1 musete hest (9 rd).

Fram gjennom hundreåret dreiv dei ikkje så lite med geiter, det ser me av fleire skifte, men så svært stor buskapen var det ikkje. I 1784 hadde såleis Arnold Aslaksen 1 hest (18 rd), 2 kyr, 4 geiter og 2 sauer. Han var elles ein mann som sat godt i det, åtte netto 331 rd. Skiftetekostnaden blir då au vel 25 rd. Og dette tok skrivaren i sølv. Ved sk etter Jens Aslaksen (1793) er det 5 kyr og 1 kvie. Kakelomnar er ikkje nemnt i noe skifte tidlige og heller ikkje nå, så «nymotens» var dei nok ikkje i Tyssekil.

I 1792 er det oppgitt ein utsåd på 7 tn bygg, avling 32 tn. Tyssekil var ein av dei få gardane dei ikkje hadde tatt til med å dyrke poteter. I 1801 er det 16 menneske på garden, av desse 8 born.

I 1810 blei som nemnt det eine bruket delt. Garden blir nå for liten til livberging. Me ser då at både Anders Tygesen og Lars Christensen som kjøpte det halve bruket hans, dreiv med skipsbygging, Anders er m. a. i 1811 med å bygge ei skute på Gitmark strand som tømmermann. Lars er «skibsmæster». Ved sk i 1820

hadde Anders bare ei ku, og sat elles helst ringt i det. Bruket hans var verdsett til bare 90 spd. Ved sk etter Lars Christensen i 1828 blir hans bruk verdsett til 300 spd medan 4½ ksk ved sk e. Nils Sørensen i 1842 blir sett i 450 spd. Der i garden var det velstand. Nils hadde netto 609 spd. Sonen Jens hadde då andre halvparten av dette bruket.

#### *Då dei stakk veg gjennom husa i Tyssekil.*

I 1839 dreiv dei og bygde om vegen ved Tyssekil. Ein dag i september det året blir det sett rett i Tyssekil «til taxation af den jord som borttages ved det nye veianlæg m. v.» Entreprenøren, Tor Pedersen, viser då veglina slik ho er «udpæled». Det viser seg at vegen kjem tvers gjennom eit fjøs og eit stolphus. Nils Sørensen eig stolphuset. Retten set riving og flytting til 10 spd. Fjøset, som Ole Christian Larsen eig, fann skynsmennene ikkje kunne flyttast «da veggene var meget raadne». Dei set skaden ved riving til 6 spd. Så er det ei lang utgreiding om sætehusa til Nils Sørensen. Skal huset flyttast, blir skadebota sett til 170 spd. I alle tilfelle må austenden flyttast om ikkje huset skal ta skade. Vederlag for dette 90 spd — «efterdi der i denne ende er skorsten med skorstenspipe som maatte nedrives og paa ny opføres». Ole Christian peiker på at også hans hus vil ta skade, men retten fann at om dei flytta noe av husa til Nils, ville det bli plass nok til vegen.

Det blir og gitt godtgjersle for veggrunnen. Her er det i alt 12 postar. For «engemark» får dei 37½ sk pr. kv.famn. I alt kjem vederlag for grunn opp i 171 spd 70 sk. Men så må dei betale noe for den gamle veggrunnen. Noe av denne veggrunnen er oppgitt å vere 7½ al brei. Åsittarane i Tyssekil og Aanon Petersen Jamvold heldt elles fram at tri av dei nemde stykke av den gamle vegen, i alt 580 alen «hønhører til en gammel skougsvei fra Ræddal bygdelag til Lillesand og formente de derfor at denne vei maatte vedblive at ligge aaben».

#### *Garden i 1867.*

Det er Johanne Mikkelsdtr som då sit med hovedbruket lnr 64 og 65. Tils. 30 mål «alminnelig god jord paa leer og sand og lit myr», 1 mål nat. eng, slåtte til 1½ lass. Samla høy-

avling 55 skp. Buskap: 1 hest, 4 kyr, 8 sauer. Utsåd og avling: kveite ¼ tn — 1¾ tn, bygg 2½ — 10, Havre 1 — 6, poteter 3 — 18.

Ole Gislesen har 11 mål dyrka, 3 mål nat. eng (gode slaatebakker). Høyavling 15 skp. Før 2 kyr. Utsåd og avling: Havre 1 — 5 tn, poteter ¾ — 5 tn.

Skogen er «fure og gran og lidt eg». Johanne kan årlig selje for 38 spd netto reknar dei med. Dei sparde nok på skogen i Tyssekil i den tid, for heilt opp til den seinare tid fanst det mektige tre i skogen her.

Nils og Reinert hadde garden saman i 1875. Reinert var då styrmann. Buskapen er som i 1867 hos dei, men Ole Gislesen har nå hest, 3 kyr og 8 sauer.

#### PLASSAR

er ikkje kjent frå gamalt under Tyssekil. Det er ingen plassfolk der i 1801. I 1822 vigjer Thor Olsen Tyssekil med Sissel Andersdtr Tyssekil. Dei budde på Rønningen. Born: Ole Andreas, Tobias 25, Marthe Marie 28. Blei gm Daniel Thorsen Lie frå Holum, til Vatnestrand. Anne Tomine 31. Tor kom sidan til Vatnestrand og d der. Dit kom au Tobias som husmann. Det var trulig stova deira Guri Arnoldsdtr åtte ved sk 1839. Stova blei seld for 16 rd. I 1875 er det ikkje plassfolk under Tyssekil.

#### MERKNADER

1. Sjå Skiftesnes-ætta I.
2. Eiggar av bnr 1 frå 1939, Sofie Hortemo, ættar i 9. led frå Karen Mogensdtr og Arnold Aslaksen.
3. Sjå Haugebu-ætta I.
4. Lars Christensen er i 1811 nemnt som «skibsmæster Lars Christensen Winsland». Eldste sonen, Christen Larsen, vigde med Trine Prosdtr Udjus og flytta dit. Dei kjende gardbrukarane Carl, Alfred og Laurits Udjus var sønene hans. Sjå Winslands-ætta.
5. Sjå Hørte-ætta.
6. Sjå Haugebu-ætta.



## DOKKEDAL

Gnr 25

Dokkedal er ytste garden i Reddal på sørvestsida og ligg på ei høgd ut mot Reddalsvatnet. Garden var opphavlig underbruk under Udjus og blei først skild ut ved matrikuleringa i 1668. Rygh meiner namnet kan kome av eit elvenamn Dokka, og det skulle då ha vore namn på elva sør for garden som kjem frå Nærebø skog.

Dei første som er nemnt på Dokkedal er Christen Dockedal i 1610, Gunner 1611—17, Biurre (Bjørulv-Børe) 1620. Ein Jon Dokkedal er knekt i Kalmarkrigen. Dei er nemnt husmenn og var nok leiglendingar. Men i 1628 er nemnt Halfuor Clemedsen Dockedal, og han budde nok på garden sjølv om me under kopp-skatten i 1645 finn han og hans «quinde» på Udjus. Han er ættfar til Dokkedal-ætta. Me viser til utgreidinga om ætta i ætteboka. Halvor hadde heile Dokkedal, men etter han blei nok garden delt trulig kring 1660 mellom sønene Klemet og Lars. Ætt etter Halvor sat på bnr 1 til ikring 1880 og på bnr 2 til 1898, men bnr 2 gjekk fleire gonger vidare i kvinneled.

Halvor Klemetsen sat på Dokkedal frå 1628 til sin død ikring 1658. Deretter hadde Aase (Ose Dockedal) garden til sønene fekk han, trulig først i 1660-åra. Dokkedal blir i 1668

skyldsett med  $1\frac{1}{4}$  hud og Klemet og Laurits, dei to brørne, brukar halvparten hver. Og bruka gjekk udelt frå brukar til brukar ned gjennom tidene til 1883. Då selde Johannes Larsen frå Engene bnr 3 til sin svigerson Simon Zakariassen.

*Bnr 1 ( $7\frac{1}{2}$  ksk).*

Det var Klemet, eldste sonen til Halvor, som fekk dette bruket. Han var f kring 1628 og d i 1707. Eldste sonen, Hallstein, g seg til Nærebø og døde før faren. Klemet var 2. g. gm Ingeborg Beintsdtr Gauslaa (Beisland). Ved sin død åtte han jorda i Dokkedal og  $5\frac{1}{2}$  ksk i Beisland og lausøyre for netto 79 rd, så det var jamn velstand. Det blei sonesonen Paal Halsteinsen som kom til å overta garden. Han overtok nok ikring 1712, men i 1723 budde han på Øvre Lunden. Han var gm Marte Stiansdtr. Mora var Marte Gramsdtr Nærebø. Paal er på Dokkedal frå slutten av 1720-åra. I 1754 gir han over til sonen Stian som d i 1775. Etter han sat kona Helje Olsdtr med garden til sin død i 1781. Då overtok Ole Stiansen. Ved sk i 1799 blei dei  $7\frac{1}{2}$  ksk i garden verdsett til 337 rd. Ole Stiansen levde til 1840, men overlet garden i 1835 til sonen Kristian Olsen, som sat med bruket til 1880. Då gav han seg i fol-

laug til Gunder Nilsen Imenes, brorson til andre kona hans,<sup>1</sup> Gunhild Matea Gundersdtr Imenes. Kristian Olsen var første g. gm Ane Johansdtr Havstad, men hadde ikkje born, og den gamle Dokkedal-ætta dør ut på dette bruket med Kristian i 1882. Son til Gunder, Kristian Dokkedal, fekk skj i 1926 for 34 000 kr. og selde i 1954 til sonen Gunnar Dokkedal for 34 500 kr. Året etter kjøpte han av Gunnar parsellen Vonheim bnr 5 av skyld 10 øre for 500 kr. og sette opp hus der.

Bnr 1 har då att skyld mk 5.60 og har 80 dekar dyrka jord og 300 da produktiv skog. Sætehus i 2 høgder bygd i 1878, ombygd 1914. Same året nye uthus. I 1867 var det dyrka areal 63 mål. På dette bruket fødde dei i 1875: 5 kyr, 2 ungdyr, 13 sauer og hest. I 1955: 8 kyr, 2 ungdyr, 12 sauer, 8 griser, 50 høns og 2 hestar.

Me kan sette opp denne

*Eigar- og brukarrekkje gjennom 330 år.*

1. Halvor Klemetsen	ca. 1628—1658
2. Aase	« 1658—1660
3. Klemet Halvorsen	« 1660—1707
4. Ingeborg Beintsdtr	1707—1712
5. Paal Halsteinsen	1712—1754
6. Stian Paalsen	1754—1775
7. Helje Olsdtr	1775—1781
8. Ole Stiansen	1781—1835
9. Kristian Olsen	1835—1880
10. Gunder Nilsen Imenes	1880—1922
11. Kristian Dokkedal	1922—1954
12. Gunnar Dokkedal	1954—


*Bnr 2 (7½ ksk).*

Laurits eller Lars Halvorsen fekk dette bruket då han og broren Klemet delte garden kring 1660. Han var gm Todne Torkelsdtr Nedre Lunden og d ikr. 1688. Sonen Halvor Lauritsen som var f kring 1665 overtok garden. Han vigde med Gjertrud Aslaksdtr Imenes. Ved sk etter Gjertrud i 1713 sat Halvor bare med ca. 2½ ksk i garden, men hadde

5¾ ksk i Beisland, lausøyre for 91 rd og inga gjeld. Mellom lausøyra merker me oss 1 gl. «gynggebørse» og 1 gl. «huug kaarde». Av sølv m. a. eit staup «med 5 ringer udi og gjord om forgylt» 5½ rd. og «sølfkiede med naal 2 aln.» 1½ rd. Dei hadde hest, 5 kyr, 2 kvier, 2 gjeldstutar, 11 vaksne sauer, 2 geiter og 1 gris. Det siste var ikkje vanlig på den tida. Jorda i Beisland hadde han fått ved kontrakt med Aslak Imenes i 1709. Halvor d året etter og eldste sonen, Aslak, som då var 22 år, overtok garden. Den nesteldste, Lars, kom til Beisland der det er etterkomarar på to av bruka.<sup>2</sup>

Aslak Halvorsen hadde bare døtre. Han sat jamnt godt i det og var likna for 50 rd i 1743. Det same var tremeningen hans Paal Halsteinsen som sat på det andre bruket. Eldste dotter til Aslak, Gjertrud, vigde i 1748 med Anders Ellingsen Lunden som var av Dolholt-ætta. Ved sk etter Aslak i 1761 sat han med 7½ ksk i garden og hadde lausøyre for 92 rd netto. Anders Ellingsen overtok garden. Han kjøpte 2½ ksk av sin svoger Christen Larsen Klepp for 100 rd i 1763. Men Anders budde ikkje på Dokkedal. Dit kom eldste dottera Inger som i 1768 — 18 år gl — vigde med Lars Jensen Helleland.<sup>3</sup> Bror til Inger, Aslak Andersen, fekk farens bruk i Nærebø. Etterkomarar etter Inger og Jens sat så med bruket i 130 år til det i 1898 gjekk ut av ætta.

Lars Jensen d i 1783 — bare vel 41 år gl. Han sat som dei på Helleland godt i det. Han åtte m. a. 2⅔ ksk i Neder Nærebø og 6 ksk i Jaavoll forutan litt i Øvre Nærebø, men bare 1½ ksk i Dokkedal. I alt hadde han ei nettoeige på 589 rd, m. a. lausøyre for over 200 rd. Skrivaren tok for sitt m. a. 1 walbirk krus med ring omkring samt laag av sølv for 20 rd og vidare eit krus av sølv med laag 6 rd, dessutan eit par staup. I alt kosta skiftet over 40 rd. Buskapen 1 hest 12 rd, 4 kyr, 1 kvie, 1 kalv, 3 sauer og eit par geiter fekk Inger. Sonen Jens



Dokkedal bnr 1.

fekk m. a. ei ku, så det var i alt 5 kyr dei hadde. Noe sølv fall det og på Inger og borna.

Det var bror til Inger, Aslak Andersen på Nærebo som sat med resten av jorda i garden. Han selde i 1785 til søster si 5 ksk for 150 rd. Inger sat med garden til 1797 då sonen Jens overtok. Men han døde i yngre år som faren, blei bare 38 år. Frå 1802 sit kona hans, som og heite Inger Andersdtr og var frå Udjus, med garden og er brukar til 1825 då sonen Lars Jensen overtar. Han hadde vore heime og hjelpe mora og han gifte seg i 1816 med Grete Jensdtr Frivoll. Dei budde på Dokkedal og dreiv nok garden før Lars overtok. Lars kjøpte eit bruk i Gusdal i 1853 saman med sonen Jens. Jens og broren Johannes budde der ei tid. Johannes kom tilbake og overtok Dokkedal då faren var d og var der i 1875, men fekk ikkje skj på garden av mora Grete Jensdtr før i 1881. Han gav 6000 kr. for bruket. Johannes d 1885 av tæring, bare 51 år gl. Året før hadde han overgitt garden til sonen Lars Johannesen for 7446 kr, etter at bnr 3 i 1883 var fråseld til svigersonen Simon Zaka-

riassen Hellemoen. Lars greidde ikkje å sitte med garden. I 1898 fekk Ole Edvard Andersen auksjonsskj for 8100 kr. I 1925 overtok sonen Sigurd Dokkedal for 41 000 kr. og 11 000 kr. for lausøyre. Ole Edvard bygde store nye sætehus i 1½ høgd i 1911 og likeins uthus og stolphus. Bruket har nå 72 dekar dyrka jord og 600 da produktiv skog. Sigurd Dokkedal selde i 1942 frå bnr 4 Myrvold av skyld mk 0.61 til Tobias Repstad for 5000 kr. Bnr 2 har då att skyld mk 4.00.

Me kan sette opp denne

#### *Eigar- og brukarrekke*

Laurits Halvorsen	ca. 1660—1688
Halvor Lauritsen	1688—1714
Aslak Halvorsen	1714—1761
Anders Ellingsen gm Gjertrud Aslaksdtr	1761—1768
Lars Jensen Helleland gm Inger Andersdtr	1768—1783
Inger Andersdtr	1783—1797
Jens Larsen	1797—1802
Inger Andersdtr, enke e. Jens	1802—1825
Lars Jensen	1825—1871
Grethe Jensdtr, enke e. Lars	1871—1881

Johannes Larsen 1881—1884  
 Lars Johannesen 1884—1898  
 Ole Edvard Andersen 1898—1925  
 Sigurd Dokkedal 1925—  
 (Mora, Emilie Andersen, sat med garden i 1928—29,  
 i 1929—39 Johannes og Sigurd Dokkedal.)

### Bnr 3.

Engene bnr 3 av skyld mk 0.73 selde Johannes Larsen i 1883 for 2400 kr. Blei utskild frå bnr 2. Kjøpar var Simon Zakariassen Hellemoen frå Hægebostad f 1859 og 1884 gm Gusta Sesilie, dotter til Johannes Larsen Dokkedal. Born: Inga Aasine 84—85, Skrøder 87, Johannes 89, Inga Marie 91, Oskar 93 d.s.å Aasille 94 d.s.å, Aasine 96—97. Sigmund 1901. Simon selde i 1947 til Anders og Yngvar Inn-tjore for 18 000 kr. I kjøpet var med gnr 36 bnr 33. Engene har 36 dekar dyrka mark.

### Utsåd, avling og buskap gjennom 200 år.

	Utsåd	Avling	H.	N.	S.	G.
1668	2½			9	14	
1723	4		2	8	6	6
1792	9	48				

1867	8	34½	2	10	12
1875	10		3	12	21

I utsåd og avling er bare medtatt korn. Poteter kjem til i 1792 då Inger Andersdtr set ¼ tn og avlar 4. I matr oppg. 1867 er potet-utsåden 6 tn med pårekna avling 40 tn, i 1875 set dei 10 tn poteter. Høyavlinga i 1867 var 126 skp. Ikkje utslåtter til garden. Det samla dyrka areal var då 123½ mål, nå 189 da, Engene medrekna.

Skogen. 1668: Skouff til brendefang. 1723: Ingen skov uden til ilding. 1867: Kan gje for 29 spd netto til året.

Frå gamalt høyrde det kvenn til garden, seinare ogso sag. I 1882 ser me at Anders Nilsen Havstad sel 1/32 i Dokkedal sag for 200 kr. I 84 kjøper Anders att ein sagpart for 160 kr.

### MERKNADER

1. Gunder ætta frå lensmann Sjur Osmundsen Retterstøl i Hf. gm Guri Andersdtr Imenes 1752. Sjå Retterstøl-ætta.
2. Sjå Dokkedal-ætta.
3. Sjå Lauvrak-ætta.

Aff forne grd. giffues til Ko. Ma. udj udschyld 1 hud, eller i steden — 5 ort —, och til Hommedals Præsteboell 1 fiering korn.


Dei liner som her er sitert, er frå Landkomm. i 1661. Nå har riksarkivar Asgaut Steinnes påvist at gardane med utskyld tolig sikkert var veitslegardar for kongane i eit rike her på Agder før Harald Hårfagre la landet under seg.<sup>1</sup> Desse utskyldgardane var gjerne sentrale gardar, eller dei låg slik at det hōvde med ei dagsreise i mellom. Me må derfor gå ut frå at Udjus — som var utskyldgard saman med Torp — ikkje var noen sekundær gard, men ein av dei opphavlige landnåmsgardane. Det er derfor lite trulig at namnet kan tydst som Ut-i-hus, endå det kunne vere naturlig nok å tenke oss Torp som den sentrale gard, med Austerhus (Eystrihus-Ustrus) på den eine sida og Utihus på hi sida.<sup>2</sup> Sikkert er det at garden er gamal og var «fullgard», dvs. 4 huder. Her sat den første lensmann me kjenner i Landvik, Eilev Arnulvsen Udjus, for snart 400 år sidan.<sup>3</sup> Sonen hans var den kjende Christen Ellefsen Hjort på Ve i Tveit, lensmann som faren og største jordeigaren på Agder på 1600-talet. Me veit ikkje om etterkomarar i Landvik, men det spørs om ikkje Anders Berulvsen Udjus eller kanskje helst far hans, var gm ei dotter av Eilev. For Anders sit med odelsgoods 2 huder

2 ksk i Udjus i 1624. Og den nesteldste sonen hans heiter Arnild (Arnulv). Halvor Klemesden som sikkert nok var gm Aase Berulvsdtr Udjus, åtte i 1624 «paa hans quindes vegne» til odel i Udgjus 11 ksk og i Eigeland i Kvinesdal 4 ksk. Til ættekretsen hørte og tolig sikkert Oluff Toresen Torp som sat på Udjus i 1624 og åtte 5½ ksk til odel der, dessutan 8½ ksk i Torp, ½ hud i Gjømle — og 4 ksk i Eigeland. Også Ingeborg Berulvsdtr hadde ½ hud i Gjømle. Sjå elles ætteboka der det er gjort nærare greide for jordegodset som Udjus-ætta hadde.

*Ein storgard blir delt.*

Udjus og Dokkedal var ein gard med skyld 4 huder. Så det må ha vore noe av ein storgard som lensmann Eilev Arnulvsen og seinare Berulv sat med. I dag er det på desse gardane omlag 740 dekar dyrka mark. Nå er mykje lagd til etter søkkinga av Reddalsvatnet, serleg på Udjus, som nå har i alt 520 dekar dyrka, men før søkkinga var det på Udjus 284 mål dyrka og 19 mål naturlig eng, altså over 300 mål, og på Dokkedal 125 mål.

Halvor Klemesden fekk Dokkedal som blei utskild med skyld 1 h 3 ksk i 1668. Udjus blei framleis fullgard med skyld 4 huder. Anders Berulvsen hadde nok gitt sonen Berulv ⅓ av Udjus før han d i 1659, i alle fall brukar han



Kleiva bnr 2 t. h., i midten bnr 5, Nils Olsen Udjus, t. v. bnr 9 som Yngvar Inntjore har kjøpt. Lengst t. v. bnr 3 — Alfred C. Udjus.

$\frac{1}{3}$  om me reknar etter kvegskatten i 1657. Etter at Anders var død overtar nok Berulv dei  $\frac{2}{3}$  som faren sat med, og Arnild (Arne) får  $\frac{1}{3}$  av garden. Berulv var 34 år i 1664, Arnild 32. Dei arva hver 1 h 4 ksk etter faren, resten fekk søstrene. Arnild Andersen d i 1702. Han brukte og åtte det han hadde fått etter faren, dvs.  $\frac{1}{3}$  av garden. Same året dør kona til Berulv, Sigrid Christensdtr, og Berulv gjev seg i follaug til sonen Ole Berulvsen. I 1701 brukte Berulv 1 h 8 ksk og Karen Andersdtr som var enke etter eldste sonen Hans Berulvsen 1 hud, tilsaman 2 h 8 ksk eller  $\frac{2}{3}$  av garden. I åra framover er det nå 3 like store bruk på Udjus. Berulvs bruk blir delt i 2 like

store partar, 1 h 4 ksk på hver. Kona til Arne heitte Berte Prosdtr. Dei hadde ikkje born. Berte sat med bruket til sin død i 1717. Då gjekk dette bruket over til Pros Eriksen, ein brorson til Berte. Han var son til Erik Prossen Bjelland.<sup>4</sup>

Det bur bare 12 menneske på Udjus i 1711, 4 i hver husstand. Åsittarane er Olle (Berulvsen), Bertte (Prosdtr) og Kari (Andersdtr). Den siste er enka etter Hans Berulvsen. Son hennar, Anders Hansen, overtar i 1718, omlag samstundes som Pros overtar Arnes bruk. I 1723 sit Ole Berulvsen, Pros Eriksen og Anders Hansen med hver sin tredjepart av Udjus, men at det er tri like store bruk varer nok ikkje

så lenge. Ole Berulvsens bruk går udelt til sonen Anders og sidan, i 1789, til svigersonen Terkel Olsen Hesthagen. Sønene hans deler garden i 1836 med 8 ksk hver og desse bruk har sidan gått vidare i ætta, bnr 1 og 2 nå.<sup>5</sup> Desse bruk er då hver på 1/6 av Udjus etter gl. skyld.

Pros Eriksen overtok som nemnt Arne Andersens bruk, men dette var ikkje odelsgoods. Pros må gje frå seg halve bruket til Christen Hansen, ein bror av Anders Hansen, som overtar 8 ksk i 1724 for 100 rd. Det var elles ein bror til som au heitte Anders. Og det var han som kom til å føre ætta vidare, for Anders d.e. hadde ikkje born. I 1732 ser me at Ole Beruldsen Udjus lyser sin pengemangel til løysing av 8 ksk i Udjus «som av Pros Erichsen bruges og besiddes». I 1743 lyser Ole Berulvsen på ny sin pengemangel til løysing av 8 ksk. Han hadde då gitt frå seg garden og var 86 år gl. Så me skynar at det var mykje om å gjere å få tilbake alt det gamle odelsgodset.

Ser me på skattelikninga i 1743 syner denne jamn velstand på garden. Pros Eriksen var likna for 30 rd, Anders Hansen for 100, Christen for 60 og Anders Olsen, søskenbarnet deira som då var soldat, 100 rd. Pros og Christen sat med hver 8 ksk eller 1/6 av garden. Pros Eriksens bruk gjekk udelt vidare til sonen Svend Prossen i 1752, frå han til sonen Pros Svendsen i 1775. Svend hadde nok ikkje drive noe stort jordbruk. Ved sk i 1775 hadde han 2 kyr og 1 kvie og «1 syg hest». Lausøyre for netto 21 rd, men han åtte dei 8 ksk i garden. Pros-bruket er det seinare bnr 3 som Alfred C. Udjus har. Oldefar hans, Christen Larsen Tyssekil gifte seg med Trine Prosdtr og kom til Udjus. Christen ætta frå Vinsland i Birkenes.<sup>6</sup> Lars Christensen kjøpte til 2 ksk i 1860 for 200 spd, så dette bruket blei på 10 ksk. Blei slått saman til eit bruk i 1863 med ny skyld mk 7.17. I 1869 kjøper Lars

Christensen på ny 2 ksk av bnr 4. Fekk bnr 8 av skyld mk 1.40. Dette bruk har sidan fylgd bnr 3 som såleis er 1/4 av Udjus etter gl. skyld. Frå bnr 3 selde Nora Udjus i 1944 frå Tverkjær av skyld 3 øre (bnr 16) og i 1953 Høgtun av skyld 20 øre til svigersonen Magne Sandkleiva. Bnr 3 har då att skyld mk 6.94. Alfred C. Udjus fekk denne eigedomen og bnr 8 i 1953 for 39 000 kr. Eigedomen har 115 da dyrka jord og 250 da produktiv skog. Sætehus i 1 1/2 høgd, ombygd 1926, modernisert 1948. Uthuset er frå 1860.

Christen Hansens bruk, det seinare *bnr 4*, gjekk til sonen Pros Christensen 1775—85, deretter til enka hans Siri Andersdtr som d i 1789. Sonen Christen Prossen sel i 1793 sin odelsgard til Ole Arnesen Beisland og får i byte 1 hud i Aas og 200 rd «mellomlagsspenge». Denne greina av Udjus-ætta kjem nå bort frå garden. Ole Arnesen d året etter at han hadde kjøpt Udjus. Broren Anders får skj av faren Arne Olsen Beisland på dei 8 ksk i 1796 for 198 rd. Anders sat med dette bruket til sin død i 1835. Enka Aase Knudsdtr sat så med bruket. Ho delte med sonen Arne Andersen, men det gjekk ut for dei. Alt i 1842 selde dei frå 2 ksk til Klemet Andersen (bnr 5), i 1860 gjekk det 2 ksk til Lars Christensen, som tidligare nemnt. I 1864 blei eit nytt stykke frå-seld. Same året sel så enka Aase Knudsdtr til sonen Knud Andersen resten av bruket 3 1/7 ksk for 350 spd. Han sel frå bnr 8 — 2 ksk — i 1869. Det er så ikkje tinglyst noe eigarskifte før i 1917 då Ingeborg Gurine Olsen Udjus får auksjonsskj for 2630 kr. Ho sel same året til Gunnar Gundersen for 6000 kr. Han sel i 1929 til Tobias Repstad, også for 6000 kr. Tobias Repstad har selt frå Solheim bnr 18 av skyld 4 øre og Fjelltun bnr 19 av skyld 5 øre. Bnr 4 har då rest skyld mk 0.72 og har 26 dekar dyrka mark. Sætehus bygd i 1890 i 1 1/2 høgd, uthus 1952, garasje 1953.

Me skal nå sjå på hossen det gjekk med den siste tridjeparten av Udjus som Anders Hansen sat med i 1723. Dette bruket var på 1 hud 4 ksk og altså halvparten av Berulv Andersens gamle bruk. Det er trulig at det var Anders Hansen d.y. som står oppført som brukar i 1723, for han hadde gifta seg i 1718 med Aase Stiansdtr Lunden. Anders Hansen d.e. vigde i 1725 med Guri Arnesdtr Møretro. Det er trulig at dei då delte garden, eller brukte han saman. Anders d.e. døde i 1744. Han hadde som nemnt ikkje born. Guri Arnesdtr d i 1756 — 76 år gl. Ved sk i 1745 er Anders Hansen d.y. tilstades. Det er opplyst at han bur på Udjus. Og me kan gå ut frå at han kom til å sitte med heile bruket. Han d i 1757 — 65 år gl. Det er ikkje funne sk etter Anders d.y., men i 1751 ser me at Lars Andersen Klep kjøper ½ hud i Udjus av enka etter Knud Olsen Aabel m. fl. Han sel dette godset i 1756 til sin yngre bror Nils Andersen og flytter nok sjølv heim til Udjus etter at faren var død. Frå denne tid kan me nok datere delinga av bruket. Lars sat med 10 ksk, broren Nils med 6 ksk, det seinare bnr 5.

*Bnr 5* kan me fylgje framover slik: Nils Andersen sit med bruket til sin d i 1789. Bruket går då over til enka Gjertru Olsdtr som gjev over til sonen Anders Nilsen i 1797. Anders Nilsen var ein drivande kar. Han kjøpte eit bruk i Dolholt, sidan eit bruk i Havstad og dreiv som skipsbyggmester. Ein yngre son, Klemet, fekk Udjus i 1836. Han står oppført som eigar av lnr 72 i matr 1838 (6 ksk). Klemet får i 1844 auksjonsskj på 2 ksk av Arne Andersens gard (bnr 4 som tidligare nemnt) for 301 spd. Og han slår dette saman med sitt bruk og har då i alt 8 ksk eller ¼ av Udjus etter gl. skyld. Klemet var gm Trine Olsdtr Dokkedal som overtok garden etter at Klemet var d i 1853. Ho vigde i 1856 oppatt med John Knudsen Midstu. I 1869 overtar

Anders Klemetsen dei 8 ksk for 1700 spd og skogstykket Høimonen for 100 spd. Anders døde i 1874. Han var gm Johanne Margrete Aanonsdtr Nærebø som sat med garden. Sonen Klemet Andersen blei utlagd bruket i 1879, men han var ikkje meir enn 8 år då og han d i 1897. Andre born var det ikkje som levde. Garden går nå ut av den gamle ætta.

I 1900 blei garden seld til Ellef T. Grøslø for 16 100 kr. I denne handel fylgde og Høimonen med og part i Dokkedal sag. Ellef selde i 1904 frå Tverrkjerr bnr 11 av skyld 25 øre for 800 kr. Bnr 5 har då att skyld mk 5.56. Torjus Hellerslien frå Birkenes kjøpte garden i 1910 for 23 000 kr. Han selde i 1923 til Gunvald Olsen for 45 000 kr. I 1932 overtok sonen Nils garden for 24 000 kr. på nærare fastsette vilkår.

Bnr 5 har 70 da dyrka mark og 250 da produktiv skog. Sætehus bygd i 1853 i 1½ høg. Nils O. Udjus er f i Tveit 1903, men farsætta hans er frå Birkenes.


Nå står det tilbake å gjere greie for dei 10 ksk som Lars Andersen hadde frå 1757, det seinare lnr 73 som blei mykje oppdelt, men nå i det store og heile er samla i *bnr 9* som Alfred O. Udjus er eigar av. Lars Andersen var gm Siri Salvesdtr og budde på Klepp (i Fjære?) før han kom tilbake til Udjus. Han d der i 1787. Ingen av sønene hans kom til å overta garden. Ei dotter, Siri, vigde i 1765 med Anders Pedersen Gitmark og dei budde på Udjus.<sup>6</sup> Anders d alt i 1777 — bare 37 år gl. Eldste sonen Petter var då 11 år. Han kom sidan til å overta bruket etter morfaren. Siri Larsdtr får dei 10 ksk i 1787 av brørne Christen Larsen Moi og John Spedalen mot at ho skal syte for deira gamle mor Siri Salvesdtr. Siri d året etter, 94 år gl, Siri Larsdtr i 1789. Garden gjekk då over til sonen Petter Andersen. Dei 10 ksk i garden blei ved sk sett i 240 rd. Peter sit med garden til i 1838 då han gir



seg i follog. I 1839 «har Peter Andersen Udjus udstædt skriftlig deklarasjon om at hans eiende 10 ksk med huse etc i d. g. skal deles i to like dele mellom hans sønner Knud og Nils Pedersen». Dei står elles alt i matr 1838 oppført med 5 ksk hver (Knud fekk lnr 73 a, Nils nr 73 b). Nils sat med sin part av farsbruket til i 1850. Då selde han til Knud for 500 spd og flytta til Eskedal i Fjære.

Lnr 73 a blei det seinare bnr 9. I 1861 overdrar Knud til sonen Peter Knudsen 3 ksk, det seinare bnr 7 (lnr 73 b). Same år overdrar han til sonen Anders Knudsen 3 ksk (73 c, det seinare bnr 10). Knud Petersen sat så att med 4 ksk som han i 1876 selde til sonen Gunder Elias for 200 spd. I 1878 slo Andreas Nilsen Havstad til seg dette bruket på auksjon for 1680 kr. I 1887 gjekk eigedomen til Nils Andreassen for 5000 kr. Nils kjøpte også bnr 7 av Peter Andreas Knudsen i 1892 og saman med denne eigedom bnr 6 som Peter hadde kjøpt av Aase Knudsdr (bnr 4) i 1864 for 250 spd. Nils gav 6400 kr. for desse eigedomane. I 1897 sel så Nils desse tri eigedomane, bnr 6 av skyld mk 0.58, bnr 7 av skyld mk 1.95 og bnr 9 mk 2.71 til Reinert Simonsen Gyberg og Zacharias Olsen Frydentop for 12 000 kr. Desse eigedomane hadde skyld  $7\frac{6}{7}$  ksk eller omlag  $\frac{1}{6}$  av Udjus etter gl. skyld. Zacharias Olsen overtok aleine i 1898. I 1921 selde han til Tobias Repstad for 20 000 kr. Året etter selde Tobias frå bnr 9 Lille og Store Eigenbakstykke av skyld 24 øre til Alfred O. Udjus for 1500 kr. Og i 1928 kjøpte han alle eigedomane for 30 500 kr. Bnr 6, 7 og 14 blei så i 1955 slått saman med bnr 9 til eit bnr av skyld mk 5.12. Då var i 1944 frå bnr 9 seld frå bnr 17 Tverkjær av skyld 12 øre.

Bnr 9 har 85 dekar dyrka mark og 500 da produktiv skog. Sætehus bygd i 1837 av lafta tømmer i 2 høgder, uthus 1904. Alfred O. Udjus har au farsgarden bnr 2.



*Carl Udjus var føregangsmann i oppal av Telemarksfe. Og han brukte stutar som trekkdyr. Her er han på køyretur til Grimstad.*

*Bnr 10.* Anders Knudsen fekk som nemnt 3 ksk av faren i 1861. Det var bnr 10 av skyld mk 1.90. Elias Knudsen overtok i 1864 for 500 spd. Han selde i 1878 til Bent Terjesen for 3400 kr. Bent selde til broren Terkel Terjesen for same sum i 1890. Torjus Osulsen kjøpte i 1891 for 4000 kr. I 1917 selde Torjus O. Udjus denne eigedom og bnr 12 til Ola N. Topland for 27 000 kr. Bnr 12 Tverkjær hadde Sevrin Olsen (bnr 2) seld til Torjus i 1906 for 1750 kr. Eigedomen har 50 da dyrka mark og 255 da produktiv skog. Nils Birger Topland overtok i 1945.

#### *Frå Ole Berulvsen til Ole Terkelsen.*

Det er tidligare nemnt at det gamle hovedbruket i 1789 gjekk over til Ole Terkelsen Hesthagen. Han var gm Ingeborg Andersdr, dotter til Anders Olsen Udjus og Gjertrud Auensdr frå Nærebø. Sønene hans fekk seg alle gardar i bygda. Om det er det fortalt i ætteboka.<sup>7</sup> Sønene Terje og Ole d.y. delte det gamle hovedbruket i Udjus i 1834 og fekk 8 ksk hver for 400 spd. Dei bygde begge nye hus, Terje i 1836, Ole i 1837. Terje lånte 400 spd av Stener Stenersens enke då han skulle til med bygginga i 1836. Han budde då på

Nedre Holte i B. Han var gm Berte Margrethe Bentsdtr Holte. Garden hans fekk bnr 1 i den nye matrikkelen. Berte sat med garden etter at Terje var d i 1853. Ho d i 1899 — 85 år gl. Heller ikkje Ole Terkelsen som fekk bnr 2 blei noen gammel mann. Han d året etter broren. Ole var gm Kristine Samuelsdtr Nasset. Ho fekk i 1854 «amtets tilladelse til at forblive hensiddende i uskiftet bo». Først då dei to enkene hadde overtatt, blir det utskifting av dei to bruk.

Berte Margrethe sat med bnr 1 til sønene Terkel og Anders overtok bruket saman i 1885 for 11 000 kr. Etter at Anders var død fekk Terkel garden (Hesseldalen) aleine i 1889. Terkel selde i 1907 til søstersonen Martin Tellefsen Aagre for 15 000 kr. på nærare fastsette vilkår. I 1933 blei fråskild parsellen Teigen bnr 15 av skyld 20 øre som Martin selde til Gjerulf Thorsen Viken for 1000 kr. I 1944 overtar så sonen Torleif Udjus for 18 000 kr.

Bnr 1 har skyld mk 5.13, har 20 da dyrka mark og 200 da produktiv skog. Sætehusa som er i 2 høgder er som nemnt bygd i 1836, ombygd 1853 og 1953 og er på 110 kvm. Nytt uthus 1919—20. Stabbur frå 1836.

Bnr 2 gjekk i 1887 frå Kristine Samuelsdtr over til sonen Samuel Olsen Udjus. Broren Terkel sat med bruket i 1875. Sevrin som var skipper, fekk auksjonsskj for 12 500 kr. I 1906 selde han frå Tverkjær bnr 12 av skyld 55 øre og Havemyren bnr 13 av skyld 15 øre til Torjus Osulsen (sjå bnr 10). Sevrin var gm Margrete Katinka Andreasdtr Havstad. Ho sat med garden frå 1922. I 1953 fekk sonen Olaf O. Udjus garden for 26 000 kr. Bnr 2 har 60 da dyrka mark og 500 da produktiv skog. Sætehus i 2 høgder bygd 1837, uthus 1894.

Me kan sette opp denne

*Eigar- og brukarrekkje gjennom 350 år.*

1. Berulv på Udjus
2. Anders Berulvsen ca. 1618—1659.

2 b 8 ksk.

3. Berulv Andersen 1659—1705.

1 b 4 ksk.

4. Ole Berulvsen 1705—1743
5. Anders Olsen 1744—1789
6. Terkel Olsen gm Ingeborg Andersdtr 1789—1834.

*Bnr 1 (8 ksk Hesseldalen).*

7. Terje Terkelsen 1834—1853
8. Berte Margrethe Bentsdtr 1853—1885
9. Terkel Terjesen 1885—1907
10. Martin Tellefsen Aagre 1907—1944
11. Torleif Udjus 1944—

*Bnr 2 (8 ksk Kleiva).*

7. Ole Terkelsen 1834—1854
8. Kristine Samuelsdtr 1854
9. Samuel Olsen 1887—1922
10. Margrethe Katinka Andreasdtr 1922—
11. Olaf O. Udjus 1953—

*Bnr 3.*

Her tek me til med Arnild Andersen som sat med 1 h 4 ksk.

3. Arnild Andersen 1659—1702
4. Berte Prosdtr 1702—1717
4. Pros Eriksen 1717—1724.

8 ksk.

4. Pros Eriksen 1724—1752
5. Sven Prossen 1752—1775
6. Pros Svendsen 1775—1819
7. Christen Larsen gm Trine Prosdtr 1819—1854
8. Lars Christensen 1854—1902
9. Carl L. Udjus og Nora Udjus 1902—1953
10. Alfred C. Udjus 1953—

#### NYARE UTSKILDE BRUK OG PARSELLER

*Tverkjær* som Kristen Valborgland er eigar av har bnr 11, 16 og 17. Bnr 11 gjekk ut frå bnr 5 i 1904. Elias Isaksen kjøpte for 800 kr. Skyld 25 øre. Elias selde i 1931 til Ingemann Dolholt for 6000 kr. Han selde i 37 til snekker Anders Mjåvatn for 5500 kr. Anders kjøpte bnr 16 av Nora Udjus i 1944, skyld 3 øre, og same året bnr 17 av Alfred O. Udjus, sk 12 øre.

Anders Mjåvatn selde til Kristen Valborgland i 1956 for 2000 kr. Egedomen har 10 dekar dyrka mark.

*Solheim* bnr 18 fekk Kristian Repstad av faren Tobias Repstad bnr 4 i 1945 og bygde der.

*Høgtun* bnr 20 fekk Magne Sandkleiva skj på i 1953 av Nora Udjus. Areal 15 dekar, skyld mk 0.20. Sætehus bygd 1952.

#### Utsåd, avling og buskap gjennom 200 år.

	Utsåd tn	Avling tn	H	N	S	G
1668	8		3	24	30	
1723	10		3	30	15	15
1792	21	101				
1867	13 1/4	75 3/4	5	20	40	
1875	21 3/4		8	26	47	

I utsåden og avling er bare tatt med korn. I 1792 5/8 tn poteter med avling 10 tn. Dei må ha fått svær avling! I 1867 sette dei 13 tn poteter med avling 90 tn iflg. matr.kom. I 1875 sette dei 32 tønner. Utsåden i 1875 var 13 tn havre og omlag like mykje av kveite, rug og bygg. Til nauttalet i 1875 kjem 1 stut og 11 ungdyr og kalvar.

Det er karakteristisk at det i 1867 er oppgitt at det ikkje er dyrkingsjord til garden, når me ser på det dyrka areal nå og den gongen. Høyavlinga i 1867 er oppgitt til 336 skp. Noen få lass myrslått. Havnegang: Ikke ubeqvem, middelst god, men kun tilstrækkelig til halv besetning. Kommisjonen gjer denne merknad:

Gårdene Udjus og Dokkedal har faat 7 % avdrag av den antagne jordværdi fordi de lider av oversvømmelse. Dette var altså før søkkinga av Reddalsvatnet.

*Skogen*. Til Udjus er omlag 2000 dekar produktiv skog. I 1867 blei nettoen for salg rekna til i alt 138 spd. 1668: Skouff til smaalast og brenneved. 1723: Skov til ilding.

*Sag og kvern*. Udjus sag får 2 dl i skatt i 1610. Kvernskatt 1621. I 1781 fekk Nils Andersen m. fl. «Kgl. aller naadigst bevilling paa en bøygdesaug u.d.g.» I 1791 fekk Jens Johannesen (Nærebø) løyve til i 10 år å skjere 500 utskipingsbord til året på Udjus sag. Dei hadde denne saga saman med Nærebø i SAVEDALEN. I 1805 krev og får Anders Nilsen Udjus tingsvitne på at Udjus priv. sag er i like god stand som då dei fekk privileget i 1791.

#### MERKNADER

1. N. Hist. T. 1953.
2. Kr. Stalleland meinte namnet måtte vera Udihus. Heller trulig at det heng saman med gøysa, Udgjus jamfør Gjusvig (Justvig).
3. Namnet hans kjenner me m. a. frå ei sak i 1573 N. Herred.db. III s. 50. Etter påbod av Erik Munk hadde Eilev rydda opp i Straumsåna og det blei ei sak om dette. Domen kom først i 1585.
4. Sjø Pros-ætta.
5. « Hesthagen-ætta.
6. « Gitmark-ætta — Udjus.
7. « Hesthagen-ætta.

## EFTEVIK

Gnr 27

I matr 1668 er Eftevigen av skyld 1/4 hud skild ut frå Dolholt. Sår 3 fjerding, før 3 naut og 4 «smaler». Brukar var Anders, sikkert den same Anders Jensen som tidligare er nemnt som husmann under Dolholt. Han var brukar i 1701 og var då 84 år gamal.

Efteviga er også kalla Heftevig, når Dolholt-

gods er nemnt og Hefteviga er namnet som blir brukt i bygda. Det har vel kanskje opphavlig vore eit hefte der for buskapen på Dolholt og er så blitt dyrka.

Det er lite me veit om dei som budde der. Brukar i 1723 er ein Od Simensen. Han vigde i 1726 med Marite Jeppesdr. Han er då skri-

ven Ond Simenssøn Eftevig. Ond Eftevig døde i 1730. Det var ein brukar etter han som hadde ein son Henrik til dåpen i 1733, men sidan finn me ikkje nemnt noen der.

Hefteviga gjekk seinare på hundradåret over til Jaavold-folk. I 1791 ser me at enka Torborg Osmundsdr sel  $1\frac{1}{2}$  ksk i Eftevig til sonen Peter Aanonsen Jamvold for 55 rd. Same året kjøper Peter av sine søsken  $1\frac{1}{8}$  ksk for 37 rd pr. ksk. Resten hadde han vel sjølv arva. Aanon brukar Eftevig i 1792. Saar intet, heiter det. I 1723 heiter det: Skov til ilding, så det var litt skog til.

Peter Aanonsen selde i 1799 til Lars Terkel-sen Havstad for 180 rd, men Peter kjøpte plassen att i 1802 for same sumen. Det budde ingen der i 1801. Jens Osmundsen Østerhus

fekk skj i 1811 og står oppført som eigar i matr 1838. Så finn me ikkje noe før i 1901 då Margrete K. Østerhus gjev skj til Aase Johnsen Helleland for 2000 kr. Jens Osmundsen var morfar til Margrete. I 1927 får Tore Koksnes auksjonsskj for 3950 kr. Han sel i 1935 til Tobias Koksnes for 3800 kr. Tobias selde i 1953 frå bnr 2 Solborg til Karl T. Andersen for 1000 kr. Og i 1953 bnr 3 Løvli av skyld 10 øre til Tellef Moen for 2000 kr. Bnr 1 har då att skyld mk 0.81.

#### MERKNADER

Det må nok ha vore ein eldgamal buplass i Hefteviga, for det er gjort fornfunn der. Dei fann eit tveggja sverd, ein spydspiss, to øksar. eit stykke av ein brynestein. I ein annan haug skal det vere funnen ei leirkrukke.

Så langt tilbake me veit var Jaavoll underbruk under Dolholt. Garden var serskilt skyldsett, først 4 huder, i 1668 sett ned til 3 huder. Til dette kom Tangerholt med 1 hud.

Garden er gamal. I Hesthagen, som ligg noe opp frå Jaavollsletta, er det funne ei tjukk-nakka øks av stein og på bnr 8 nå eit tviægga sverd og fragment av ein spydspiss frå vikingtida. Namnet er skriva på ulikt vis, mest Hiamvold, eller liknande former. Og kan vel då gå tilbake til det gamalnorske hjalmr, som ikkje bare har tydinga hjelm, jernhatt, men au korn- eller høystakk. Den gamle forma må då etter hvert ha blitt avslipt, for så langt gamle folk veit tilbake, har bygdeuttalen alltid vore Jaa-voll.<sup>1</sup>

Den første me veit om som budde på Jaa-voll, var Christen Hiamuold som er nemnt som øydegardsmann i 1610, sidan som husmann. Og husmenn var det nok som sat her fram gjennom heile 1600-talet. I 1645 er nemnt Niels og hans quinde og Christopher og hans quinde, i 1657 Maren og Christopher. Maren var nok enke etter Nils. I 1664 er husmann Christopher Christensen 60 år. Vidare er nemnt «en husvindes søn Peder Nielssen 30 aar». I åra 1678—85 er han kalla Peder Schomager og betalar 1 rd i skatt. Også i matr 1668 er han

oppført som Peder skomaker. Han brukte ikkje noe av garden. Brukarar var dei på Dolholt som au åtte garden. Peder Nilsen Jovold d i 1712 — 76 år gl. Peder budde på Jaavoll i 1711 — i alt 3 personar. Frå 1703 og utover til 1710 er det ein Telley Jovold som har borna Gunild, Hans, Telley og Siri til dåpen, men me veit ikkje hvem det var. Mari Pedersdtr Jovold vigjer i 1719 med Aanen Jørgensen Gurebo. Ho var då trulig dotter av Peder skomaker. I 1721 vigde Niels Pedersen Joovold med Zirie Joensdotter Tiore. Me må vel gå ut frå at Nils var son til Peder skomaker. Han d i 1759 — 72 år gl, og var såleis f ikr. 1677. Siri var eldre, f ca. 1666 og såleis gamal jente då dei gifte seg. Trulig fekk då Nils medel med henne. Og sikkert nok jord i garden. I 1723 er Nils brukar av 1 hud. Han sår 1 tn 4 skj, og kan fø hest, 3 naut, 3 sauer og 3 geiter. Gunder Aanonsen, Jon Nilsen og Jon Aanonsen Dolholt brukar 6 ksk hver, men dei sår ikkje noe. Haagen Indtjore har au 6 ksk som han brukar. Husmann er Jakob Gundersen som sår 1 tn 2 skj. Ringe skov til brændeved. Læt-vindt.

I alt er det rekna at garden kan fø 1 hest, 15 naut, 3 sauer og 3 geiter. Til samanlikning

kan nemnast at matr 1668 fører opp utsåd 6 tn, kan fø 18 naut, 2 hestar og 30 smaler.

I 1743 ser me at Tore Olsen er på Jaavoll. Han er likna for ei eiga på 50 rd. Han var son til Ole Aanonsen Gurebu og Gunvor Torsdtr Metveit. Ho var av Dolholt-ætta og hadde nok arva noe i Jaavoll. Ei dotter Ane f 1727, men ho d året etter. Kona hans var Karen Ellingsdtr. I 1760 gjer dei gjensidig testamentene. Tore var då eigar av 3 ksk i garden. Same året selde han vel 6 ksk i Metveit for 180 rd. Karen Ellingsdtr som var frå Strandfjorden sat som enke på Grefstad i Fj. i 1762.

Jorda i Jaavoll blir etter hvert oppdelt i mange partar og desse partane går på handel. I 1747 reiser Ole Haavorsen Metveit sak om 6 ksk i garden som Jon Nilsen Midstu og Christen Hansen Udjus har kjøpt. Dei høyrde til same ættekretsen. Tore Metveit var oldefar både til Ole Haavorsen og Christen Hansen, og Jon Nilsen var i slekt med begge i 4. ledd, heiter det då det er åstadssak året etter. Ole Haavorsen får ikkje rett til å løyse godset.


#### Bnr 1.

I 1748 vigjer Torbor Osmundsdr Jovold med Aanon Pedersen Midstu og ætt etter dei sat på bnr 1 fram til 1911.<sup>2</sup> Men hvem var så denne Torbor Osmundsdr på Jaavoll. Det er ikkje noen Osmund der i dei åra. Ho var nok dotter av Osmund Jonsen Tjore og f 1729. Faren d i 1730, mora i 1738, og Torbor kom nok då til si faster Siri Jonsdtr på Jaavoll. Siri og Nils hadde ikkje born som levde. Siri var dotter av lensmann Jon Ansteinsen på Tjore. Me veit at han hadde jord i Dolholt og Jaavoll.<sup>3</sup> Aanon d i desember 1766. Ved ekstraskatten det året er det på Jaavoll enka Torbor Osmundsdr. Ho er einaste åsittar. Eldste sonen, Peter, var 16 år ved sk i 1767. Aanon hadde 9 ksk i Jaavoll og dessutan Hefteviga

3 ksk. Dei 9 ksk hadde dei fått ved follaugskontrakt med Nils Pedersen og Siri Jonsdtr i 1748, jorda i Hefteviga i 1766. Bror til Torbor, Jon Osmundsdr på Dolholt, hadde selt dette godset i 1759. Buskapen var 4 kyr og hest, 4 sauer og 3 geiter. Eldste sonen får i arv m. a. lagt ut 1 «deamant» for 3 rd og 1 speyel for 2 rd.

Torbor Aasmundsdr lever til 1799. I 1792 brukte ho 4½ ksk i garden og sonen Peter Aanonsen 10½ ksk. Men dette var vel helst eit bruk. Peter kjøper i 1810, året før han døde, 3 ksk av Aslak Sørensen Imenes for 80 rd. I 1811 får glasmester Aanon Pedersen Jamvold skj på 1 hud 6 ksk som faren hadde i garden. I 1815 kjøper han til 6 ksk av Jens Aslaksen Nærebø for 4000 rbd. Men i 1821 sel han frå 11⅔ ksk til Jens Aslaksen for 854 spd og sit att med like mykje jordegods. I 1862 overtar så sonen Johannes Aanonsen garden for 1800 spd. Den eldste av sønene til Aanon, Peter Aanonsen, var gm Gunhild Aslaksdr Gitmark og dei budde på Flørenes i V. Moland til 1868. Då kom Peter med huslyden sin heim til Jaavoll og Johannes, som var dreier, flytta til Flørenes. Peter d alt året etter. Enka Gunhild fekk i 1883 skj på garden av Johannes Aanonsen for 6600 kr. I 1900 gjekk garden til sonen Martinius Petersen for 12 000 kr. Martinius var gm Ingeborg Kristine Andersdr Nærebø. Då Martinius var død, selde ho i 1911 til Alfred Hegdekjær for 15 600 kr. Han skilde i 1923 frå bnr 16 av skyld mk 2.80, som han selde til broren Samuel i 1925 for 3000 kr. Søstera Tora fekk heimel på egedomen i 1955. Ho testamenterte same året garden til brorsonen Toralf Jaavold. Eignedomsverdi sett til 18 700 kr.<sup>4</sup>

Bnr 1 har skyld mk 7.35, har 35 da dyrka mark og 200 da produktiv skog. Sætehus bygd 1914, modernisert 1947. Uthus 1914.



Jaavoll og Hauene, Østerhus.

*Bnr 2.*

Hovedbølet i dette bruket er dei  $11\frac{2}{3}$  ksk som Aanon Petersen selde til Jens Aslaksen Nærebø i 1821 for 854 spd. Jens Aslaksen var son til Aslak Andersen Nærebø og flytta til Øygaren, Håbesland i Birkenes.<sup>5</sup> Han selde i 1840 til Peter og Aanon Christensøner Nærebø<sup>6</sup> for 1600 spd. Dei kjøpte i 1845 til eit stykke av Dolholt, 3 ksk, for 200 spd. Til bruket er au lagt ein del av det gamle Dolholtbruket Tangerholt. Dessutan eit stykke på 3 ksk (Inr 78) som Christen Nilsen hadde. Jorda i Tangerholt kjøpte dei av Clemet Andersen Udjus i 1845 for 200 spd. Av Anders Pedersen Udjus kjøpte dei 3 ksk i 1840 for 200 spd, og, så dette av

Tangerholt, og i 1845 også 6 ksk av Thor Andreas Andersen (Dolholt) for 800 spd. Brørne sat då med heile Tangerholt og over 1 hud i Jaavoll. Peter Christensens enke Gunhild Simonsdtr fekk uskifteløyve i 1866. I 1875 blei garden delt mellom Gunhild Simonsdtr og Christian Aanonsen med nærare 15 ksk etter gl. skyld på hver. Christian fekk skj av faren Aanon Christensen i 1876 for 2300 spd. Dette var bnr 2. Gunhild Simonsdtr fekk det seinare bnr 8.

Christian Aanonsen skilde i 1887 frå bnr 11 Neset av skyld 1 øre som han selde for 120 kr., i 1895 Aabaalvika av skyld mk 0.96 (bnr 12) som han selde for 1800 kr., i 1899 bnr

14, skyld 3 øre, i 1913 Sagholmen bnr 15 av skyld 2 øre. Det var Daae på Kaldvell som fekk desse eigedomane for 800 kr. Bnr 2 hadde då att skyld mk 5.73.

Etter at Kristian Aanonsen var død, sat enka Johanne Oldstr med garden. Sonen Ole Jaavold fekk skj i 1917 for 14 000 kr. I 1947 skilde han frå bnr 17 Østre Tangerholt av skyld 60 øre som han selde til Peder Nilsen for 3800 kr. I 1952 blei fråskild Eineistykket bnr 18 av skyld 35 øre som Kåre Johan Jamvold fekk for 2000 kr.

Bnr 2 har nå skyld mk 4.78, har 38 da dyrka mark og 200 da produktiv skog. Sætehus i 2 høgder bygd ca. 1820. Det var vel trulig då Jens Aslaksen som bygde dei. Uthus bygd 1921.

#### *Bnr 4 Hesthaven.*

Aanon Petersen, som sat med 1½ hud i Jaavoll selde i 1816 frå Lille Hesthaven til Rasmus Christensen. Stykket var på 3650 kv.fv. ved utskiftinga og byta med Torp. Det fylgde utmark, skog og bubeite med. Skyldsett for 1 ksk.

Rasmus Christensen bygde trulig i Hesthaven. Han d alt i 1824 — 30 år gl. Kona heitte Askjer Sørensdtr. Dei hadde døtrene Maren 7 og Christine 4 år ved sk i 1824. Husa var: 1 stue med 1 fag vinduer uden mur, et kjøkken med skorsten, et enkelt loft, uden bordklædning og tegl. En løe og et fæhus. Husa med jord blei sett i 100 spd. Dei hadde 1 ku, 1 geit og 2 vaksne sauer. Gjelda var 143 spd, 20 dl meir enn bruttoen. Askjer gifte seg att same året med Aslak Olsen. Aslak reiste som enkemann til Amerika i 1861 saman med 3 døtre som alle var fødd i Hesthaven. Dei budde då på Ringskleiv.

Tarald Torsen vigde i 1843, 51 år gl, med Maren Christensdtr Nærebø som var 46 år. Dei budde i Hesthaven og fekk ein son To-

bias Christian i 1845. Tarald d i 1855, Maren i 1870. I 1876 selde så Tobias til Christian Christoffersen (Seland). Han fekk same året kjøp på eit stykke av bnr 8 og det blei slått saman til bnr 4 i 1877, men visstnok ikkje gjennomført. I matr er det framleis bnr 4 av skyld mk 0.45, bnr 5 — mk 0.25, bnr 6 — 8 øre. Til eigedomen høyrer og bnr 7. Denne eigedomen hadde Aanon Aanonsen Høiberg kjøpt av Dolholt. Kristian Kristoffersen fekk auksjonsskj i 1889 for 850 kr.

Kristoffer Kristiansen Seland fekk skj på bnr 4 m. v. i 1919 for 7000 kr. Olga Seland, f Esketveit, fekk heimel på eigedomen i 1954 etter mannen Kristoffer Seland.

Hesthaven har 24 dekar dyrka jord og 550 da produktiv skog. Sætehus i 1½ høg, ombygd 1928, modernisert 1948.

#### *Bnr 8*

gjekk ut frå bnr 2 i 1875 då bruket som Peter og Aanon Christenssøner hadde blei delt i to. Gunhild Simonsdtr, enke etter Peter Christensen, sat med eigedomen til 1883 då sonen Christen Petersen overtok for 9600 kr. Han d av tæring i 1890 og arvingane selde då garden til Tellef Torjusen Rislå for 14 000 kr. Han selde i 1899 frå bnr 13 av skyld 4 øre til brukseigar Daae. I 1918 fekk Thomas Tellef- sen skj for 22 400 kr. Sonen Tellef Thomassen Jaavold overtok i 1937 for 15 000 kr.

Bnr 8 har skyld mk 6.53, har 50 da dyrka mark og 300 da produktiv skog. Sætehus bygd 1820 i 2 høgder, modernisert 1946.

#### *Bnr 9.*

John Johnsen Lunden hadde denne eigedomen av gl. skyld 3 ksk, ny skyld mk 1.47. Enka selde til Guttorm Uldal i 1904 for 2000 kr. Gunder Dyngedal fekk eigedomen då han i 1908 kjøpte gnr 34 bnr 6. Svingersonen Nils Christiansen har eigedomen frå 1947.



*Bnr 10.*

Knud Gundersen sat med denne eigedomen av gl. skyld 3 ksk, ny skyld mk 1.40 i 1838. I 1856 testamenterte Knud Gundersen og kona Johanne Øvensdtr eigedomen til Jørgen Olsen. Han var f i Eide 1813 iflg. ft 1875 og hadde vel trulig tent hos dei. Han vigde i 1857 med Berte Marie Terkelsdtr Ustrus f i Sør Audnedal 1832. Dei hadde borna Ole Martinius f på Møretro 58. Bygde då trulig på Jaavoll der desse borna blei fødd: Inger Thomine 61, Terkild 64, Jørgen Martin 69, Bendiks 73 d.s.å. Jørgen d i 1890. Det er då opplyst at han var f på Ugland i Fjære 1815. Eigedomen gjekk over til Ole Martinius. Ved skifte etter han i 1916 blei eigedomen seld til Martinius Edvardsen Østerhus for 3750 kr.

Bnr 10 har 18 dekar dyrka mark og 30 da produktiv skog. Sætehus i 1½ høg. Uthus 1918.

*Bnr 11 Neset*

blei utskild frå bnr 2 i 1887. Skomaker Jens Tobiassen kjøpte eigedomen for 120 kr. Han hadde bygd der då han gifte seg i 1880. Jens var f i Greipstad i 1847 og d 1890. Kona heitte Rakel Reiersdtr. Dei hadde tri born som d små. Rakel selde i 1906 til Tobias Reiersen Seland for 990 kr. Han selde til Landvik kommune for 500 kr. i 1927. I 1928 fekk Olivia Olsen eigedomen for 1450 kr. Skomaker Osvald Konradsen f i Oslo 1906 har eigedomen.

*Bnr 12 Aabaalvika.*

Kristian Aanonsen selde bnr 12 i 1895 til Øven Hesthagen for 1800 kr. John T. Helleland kjøpte i 1910 for 4000 kr. John Terjesen Helleland hadde i 1902 kjøpt bnr 3. Det var eit lite bruk av skyld 2 ksk som Jens Osmundsen hadde og sidan Tellef Osmundsen. Gjekk sidan over til halvbroren Anders Tellefsen Krømpe. John Helleland kjøpte av dødsbuet i

1902. I 1916 selde han til Jens Sandkjær dei to eigedomane for 10 500 kr.

Bnr 3 har skyld mk 1.06, bnr 12 mk 0.96. Eigedomen har 30 da dyrka jord og 15 da produktiv skog. Jens Sandkjær bygde nye sætehus i 1930, uthus 1938.

*Bnr 16 Jaavoll vestre*

skilde Alfred Salvesen Hegdekjær Jaavold ut frå bnr 1 i 1923. Broren Samuel Salvesen fekk eigedomen for 3000 kr. Har skyld mk 2.80.

*Andre eigarar og brukarar.*

Som ein vel skynar, har Jaavoll ned gjennom tidene vore mykje oppdelt og det har vore mange brukarar. Me har nemnt at det var Torbor Aasmundsdr som var åsittar i 1766. I 1776 har Tyge Jaavold og Ane Aslaksdtr sonen Christen til dåpen. Tyge var frå Haugebu og gm Ane Aslaksdtr Lunden, og fekk med henne jord i Jaavoll. Tyge d i 1782 — 49 år gl. Ane sat med 6 ksk i 1792. Den eldste av sønene, Anders Tygesen, gifte seg til Tyssekil og flytta dit.<sup>7</sup> Ein yngre bror, Aanon Tygesen, overtok bruket. Han var gm Aase Olsdr Østerhus. I 1801 selde Anders Tygesen Tyssekil odelsretten til 3 ksk i Jaavoll til Christen Nilsen Nærebø for 85 rd. Aanon Tygesen d i 1813. Han hadde då 3 ksk i garden verdsett til 320 rd. Det var mykje gjeld, og Aase greidde ikkje å sitte med eigedomen. Ho selde frå 2½ ksk i 1816 til Aanon Petersen for 216 spd. Hvem som sidan fekk dei ¾ ksk som Aase sat att med er ikkje heilt klart, men ætta kjem bort frå garden. Aase gifte seg oppatt i 1816 med Aanon Osulsen Risdal. Ho d på Jaavoll i 1840.

*Noen namn på garden.*

Aanon Petersen selde frå til sin svoger Jens Osmundsen Østerhus 2 jordstykker, Krømpe og Træbruna, med «tilgrensende skouv i Bjørnesteiheien i vestre side av samme hei saa vidt

som hælder indover til jordstykkerne». Krømpa var på 1575, Træbruna på 1390 kv.fv. Det var dette som seinare blei bnr 3. I 1817 er det utskifting. Aase Olsdtr held att  $\frac{2}{3}$  ksk. Her finn me desse namn: Store Hestehaven, ager 396 kvf. Dette er slåtteland: Forklælappen, Østre Rødningen, Vashaven, Aabelvig, Træbruna, Fidja. Ækrer: Langæggra, Lille langæggra, Thoreshave, Storehaven, Sørenæggra, Tonæggra, Haugene.

#### Tangerholt

høyrdde som nemnt opphavlig under Dolholt og var skyldsett med 1 hud før 1624, men låg som øydegard. Blei sidan oppdelt i 4 partar og gjekk over til folk på Udjus, Dokkedal m.v. Peter Andersen Udjus som har 1 hud i Udjus og 3 ksk i Tangerholt fører i 1813 tingsvitne om underbruket «til forhaabentlig befrielse for dobbelt skat». Jens Osmundsen Øvre Østerhus og Terkild Jonsen V. Skiftenes (han var av Dolholt-ætta) vitnar at så lenge dei kan minnast eller har høyrt seie har Tangerholt ikkje vore busett. Det er ikkje hus der, men har lege som underbruk og «er av ringe beskaffenhed og kan ikke ene ernære nogen familie». Heile bruket er då au skyldsett i 1 hud, men delt i 4 partar. Me har set at desse partane i Tangerholt gjekk over til Jaavoll.

Det var nok ein husmannsplass der på 1800-talet. I 1829 har Tellef Osmundsen Tangerholt og Maren Knudsdr sonen Knud til dåpen. Så finn me ikkje noe før i 1851 då husmannsson Aanon Olsen Tangerholt er død, 29 år gl. Han

var son til Ole Aanonsen Jaavoll. Ole Aanonsen var gm Aase Marie Salvesdtr Ringskleiv. Ole d i 1841, Aase d på Tangerholt i 1856 — 70 år gl. Det er det siste me høyrer om plass der.

#### Jord og skog.

Til Jaavoll er det nå ca. 225 dekar jord og 13—1400 dekar produktiv skog. I 1867 var det ikkje meir enn 97½ mål dyrka mark til garden, høyavlinga var 102 skp og dei fødde 1 hest, 8 kyr, 1 kvie og 8 sauer. Utsåd og avling: Kveite  $\frac{6}{8}$  tn — 6, rug  $\frac{1}{2}$  — 4½, bygg  $\frac{7}{8}$  — 6, havre 2½ — 23½, poteter 8½ — 51 tn. I 1792 blei det oppgitt at dei sådde 6 tn bygg med avling 39 tn, og  $\frac{1}{2}$  tn rug, avling 3 tn. Aanon Petersen satte  $\frac{3}{4}$  tn poteter med avling 8 tn.

Går me fram til 1875 er husdyrtalet: 3 hestar, 12 kyr og 13 ungdyr og kalvar, 23 sauer og 4 griser. Og utsåden: 2½ tn kveite,  $\frac{3}{4}$  tn rug, 3¾ tn bygg, 10 tn havre og 26½ tn poteter. Som me ser har det vore ein stor framgang i jordbruket bare på noen få år.

#### MERKNADER

1. Etter Arnt Stensvand som skreiv om dette 93 år gl.
2. Sjå Jaavoll-ætta. Aanon Pedersen Midstu var vel trulig ein son til klokkaren Peter Christian Torup i Tveit som i 1717 vigde med Ingeborg Aanonsdtr Midstu.
3. Sjå Hamre-ætta.
4. « Tveit-ætta.
5. « Dolholt-ætta.
6. « Birkenes-ætta.
7. « Haugebu-ætta.

## FLADEN

Gnr 29

N. Igländ skriv om Fladen: «Et udbrug mellem Dolholt og Reddal som altid synes være delt mellem forskjellige eiere i Reddal.» Dette er rett nok. Fladen var plass, men tidlig skyldsett med 3 ksk. I 1661 var Jon Møretro, Ola Torp, Leidulv Midstu og Lars Østerhus eigarar.

Fladen var nok ein gamal buplass. I 1627 er Gunder Fladen nemnt som husmann. I 1657 betalar Christen Fladen 2 ort 1 sk i kvegskatt og «ennchen ibid» 21 sk. Husmann Christen Gundersen Fladen betalar 1 dl i skatt i 1664. I 1659 er nemnt Christen Fladen på Torp eye, men i mt 1664 under Øvre Østerhus. Alder er ikkje oppgitt.<sup>1</sup> Han har sønene Gunner 14, Oluff 12, Niels 10, Knud 7 og Oluff 5 år.

Gunder med sin moder er brukar i 1668. Ingen herlighed, uden ringe ager og eng og ei mere, heiter det. Kongen er då eigar av  $\frac{3}{16}$  ksk i plassen!

Gunder Christensen blei buande på Fladen og blei ein velstands mann. Han var gm Ingeborg Kittelsdtr Møretro, dotter av Kiddel Aanonsen og Guri Aanonsdtr Møretro. Ingeborg d i 1691 — 48 år gl. Det er skifte i 1693. Gunnor, som han då er skriven, hadde ei bruttoeige på 128 rd, netto 120 rd. Dei hadde 2 døtre, Aase 18 år og Guri 11 år. Aase kom som gardkjerring til Torp. Ho vigde i

1699 med Tore Olsen Torp. Stor etterslekt i Landvik. Guri kom til Tjore. Ho vigde i 1707 med Aanon Erichsen.<sup>2</sup> Av brørne til Gunnor kjenner me ikkje andre enn Knud som i 1694 vigde med Ellen Pedersdtr Gitmark. Han flytta trulig til Gitmark.

Gunder Christensen er i 1701 ført opp som Bondegrofsmed og er 54 år. Han d i 1709. Alderen er då oppgitt til 50 år 7 mnd., men det er nok ikkje rett. Han var vel helst 60 år. Då høver det med alderen i 1664. Gundvor Olsdtr Fladen som d i 1711 — 96 år gl. var trulig mor hans.

Fladen kunne ikkje vere noen ring plass på den tida. Ved sk i 1693 hadde dei 4 kyr og 1 kvie, dessutan 1 kvie til fors på Slottet og 1 på Beisland. Dei hadde vidare 12 geiter og 6 sauer. Gunder hadde fullt smieutstyr og var nok ein smed som hadde mykje å gjera. Han hadde pengar tilgode over heile bygda og i Birkenes au, m. a. på Aas, Solberg, Vinsland og Flaa.

Ein som heitte Knud Svendsen kom til Fladen etter Gunder. Han var brukar i 1723 då det heiter at han kan så 1 tn 4 skj og fø 2 naut, 4 sauer og 2 geiter. Ingen skov. Tungvindt.

Knud Fladen hadde i 1724 ein son Peder til

dåpen. Knud døde same året, 58 år gl. I 1725 vigjer Ole Findalsøn, gevorbener soldat med Karen Olsdtr Fladen. Dei fekk sønene Nils 1729 og Karen 33. I 1736 er Ole Glørsen Fladens Lars til dåpen.

Peder Nilsen Fladen er i 1742 gm Marthe Sørensdtr. Dei hadde dottera Ingeborg til dåpen, i 46 sonen Christen. Peder var smed. Det ser me av skattelikninga 1743: efter prestens mt. fattig og derfor fritat for kopskatt.

Me veit ikkje hvor lenge Peder blei buande på Fladen, men han er den siste me høyrer om der. Plassen blei nok nedlagd og sidan brukt av eigarane. Det bur ikkje folk der seinare på 1700-talet, heller ikkje på 1800-talet.

Plassen er delt i 4 ved matr i 1867. Det er 4 mål dyrka jord som høyrer til dei største partane som enkene etter Terje og Ole Terkelsen Udjus eig. Samla høyavling 22 skp. Ole Knudsen Nærebø og Aanon Johnsen Nærebø eig dei to minste partane. I 1896 sel Ole Olsen Torp bnr 1 av skyld mk 0.41 (gl. skyld  $\frac{15}{16}$  ksk) til Edvard Kittelsen Birkaas. Ole hadde kjøpt av Terkel Terjesen i 1891 for 500 kr.

Ole O. Torp fekk bnr 2 av skyld mk 0.48 i 1876 for 200 spd og selde i 1896 til Edvard Kittelsen. Edvard gav 1450 kr. for begge bruksnr. Han bygde nye hus i 1910. Då Edvard var død, blei eigedomen i 1934 seld til Elias Røynealand for 4000 kr. Han kjøpte i 1936 til bnr 4 av skyld mk 0.25. John Andersen Havstad fekk denne parten ved sk etter Aanon Johnsen i 1868 for 100 spd, gl. skyld  $\frac{9}{16}$  ksk. Gunda Havstad selde til Elias Røynealand for 450 kr.

Bnr 3 selde Ole Knudsen Nærebø i 1903 til dottera Anne Kristine for 300 kr. Også denne parten har skyld mk 0.25.

Fladen bnr 1—2 og 4 har nå 12 dekar dyrka mark. Nytt uthus bygd 1944. Vegarbeidar Elias Røynealand f 1890 i Birkenes er framleis eigar, men ein av sønene, Torjus, bur der.

#### MERKNADER

1. Christen er ført opp som husmann også under Møretro, alder 40 år og såleis f ca. 1624.
2. Sjå Tjore-ætta.

## MØRETRØ

Gnr 30

Frå gamalt av var Møretlø fullgard med skyld 6 huder, men ved matr 1668 blei garden delt i to matrikkelgardar, Øvre og Nedre Møretlø. Skyldet blei sett ned til 2¼ hud for hver gard.

Om Øvre Møretlø veit me at Oluf Torbjørnsen selde to huder i garden i 1630 til «ærlig og velagted mand Christen Ellefsen boende paa Wæedt i Topdal» for 150 rd. I 1633 selde han til «Christen Hiort — boendes paa Wæet i Topdal» resten 1 hud for 75 rd. Same året sel han åsætesretten til dei tri hudene til Oluf Ellingsen Lunden for 74 rd.

Det blei bror til Oluf, Auen Ellingsen Lunden, som kom til Øvre Møretlø. I 1636 fører Auden Møretlø sak mot bøndene i Nærebo på Fjære lagting, og han sit på garden i 1645, for då er nemnt Øydenn og en pige Ingeborg på Øvre Møretlø. Auen får kjøp på åsætesretten av broren i 1650 for 54 rd, men sel same året til Kiddel Aanonsen for 56 rd. Me veit ikkje hvor det blei av Oluff Torbjørnsen, men eldste sonen, Torbjørn, sat som husmann på Molland i 1661. Han gir då åmagebrev til «Kiddel Myretraaes efterladte quinde» og stadfester salget av åsætesretten. For dette får han 10 rd. Torbjørn sat som husmann på Aagermyr, Molland, men me finn ikkje ætt etter han der.

Går me tilbake til odelsjordeboka i 1624 finn me at Oluf Torbjørnsen då åtte til odell 1½ hud i Møretlø og 1 gsk i Gusdal. Samtidig åtte Bjørn Annonsen Møretlø 7½ ksk odelsgods i Midstu og «hanns quindes gifftingsgods i Myrretlø 1½ hud» og i Gusdal 1 gsk. Bjørn Øvre Møretlø er nemnt som krone- og leiglendingsbonde i 1610, men frå jul 1626 på Midstu. Me må gå ut frå at Oluf Torbjørnsen var svogeren hans og då hadde overtatt heile øvregarden og godset i Gusdal. For Oluf sel ½ hud i Gusdal til Christen Hjort saman med godset i Møretlø.

Men hossen var det med Nedre Møretlø? Odelsjordeboka nemner ikkje meir enn dei 3 hudene. Jorda i Nedre Møretlø må me gå ut frå alt då var på utanbygds hender og at det var Christen Hjort som hadde fått tak i garden, for arvingane hans sit med heile Møretlø i 1647. På Nedre Møretlø sat Anders frå 1610 og utover til 1623. Jon Andersen Nedre Møretlø som er 66 år i 1664 må me gå ut frå er son hans.<sup>1</sup> Jon er nemnt frå 1627, i 1645 Joen og hans quinde, en pige Karen. Denne ætta døde ut med Lars Kittelsen 1834.

Både for Øvre og Nedre Møretlø er det 1647 oppført: Udskyld til Kongl. Maj. 1 giedskind,<sup>2</sup> men utskyld er ikkje nemnt av Landk.

1661. Då er skyldet sett i 2 huder for hver gard, men sett opp att i 1668.

#### Øvre Møretro.

Oluf Møretro er merkelig nok ikkje nemnt mellom dei skattebetalande bønder på Møretro, men i 1610 får han ei bot på 1 dl «for hand ikke vil give velb. Styring Boel førendskab». Først i 1626 og utover er han nemnt, så det var nok Bjørn Aanonsen som betalte skatten for garden før han flytta til Midstu. Men bota for skyssnekting viser at han måtte vere brukar. Så brukte Auen Ellingsen garden frå 1633 til 1650. Og deretter Ketil Aanonsen. Me veit ikkje hvor Ketil kom frå. Han d i 1659 sikkert nok, for det er skifte etter han det året og kona Guri Aanonsdtr overtok.<sup>3</sup> Ho er «besidder» i 1661. I 1668 brukar ho og sonen Jørgen Kiddelsen hver sin halvpart av garden. Eigiar er då enchen Ingeri Ryen i Mandals Lehn med hendes børn. Dei kan så 4½ tn, fø 14 naut, 1 hest og 16 «smaler».

I 1676 er det sk etter Guri Aanonsdtr. Jørgen høyrer me ikkje meir gjete. Det var ein yngre son, Arne Kiddelsen, som var brukar i 1701. Han var då 46 år gl og brukte 1 hud 1½ ksk. Det same brukte Mads Tomassen, 28 år gl. Han hadde gifta seg i 1698 med Aase Jørgensdtr, sikkert nok ei dotter til Jørgen Kiddelsen. Mor hennar må ha gifta seg oppatt, for Mads er nemnt «med sin wærfader Ole Øvindssøn» som er 79 år. Arne og Mads står oppført som brukarar av 2¼ hud saman i matr 1706. I 1711 er det bare Arne som er på Øvre Møretro, i alt 5 personar. Så Mads er nok flytta frå, men i 1720 ser me at Mikkel Gitmark på vegne av Matz Tomesen Bieldland af Raabygdlaug (Bjelland i Hf.?) krev innført «at han foregiver at vere odels- og løsningsberettiget til 9 gks gods udi Møretrae». Han lyser sin pengemangel til løysing av godset.

Arne Kiddelsen d i 1734 — 81½ år gl. I

1723 står han oppført som «selv bøxelraadig» over 2 h 3 ksk. Utsåden er nå sett til 4 tn og garden kan fø: 1 hest, 9 naut, 5 sauer og 5 geiter, altså munalig mindre enn det som er oppført i 1668. Skov til gaards behov og smaalast. Lætvindt. Arne må ha fått kjøp på noe av jordegodset, for ved sk etter kona Gunhild Knudsdr i 1724 står han oppført som eigiar. Han hadde og fått jord i Nevesdal med Gunhild, sat utan gjeld og hadde lausøyre for 89 rd. Eit par år etter får sonen Knud Arnesen kjøp på vel 6 ksk i garden av Ansten Olsen Ryen for 51½ rd. Ved makeskifte med Anders Hansen Udjus d.e. i 1727 får han 4½ ksk til i garden. Anders var gm søster til Knud, Guri Arnesdtr. Anders fekk 3½ ksk i Nævesdal.

Knud Arnesen d i 1754 — 74 år gl. Han sat då med heile Øvre Møretro 2 huder 3 ksk og hadde lausøyre for netto 48 rd, men i 1743 var han 0-skattytar! Knud Arnesen eier intet etter præstens mandtal, heiter det. Det står nå opplyst at han hadde fått skj frå Ansten Ryen i 1726 på 1 hud 1½ ksk eller halve garden. Han hadde arva 9 ksk etter foreldra og som nemnt ved makeskifte fått 4½ ksk.

Sonen Kiddel Knudsen overtar garden og tar mora Magnhild Osmundsdr i follaug. Buskapen var då 5 kyr, 1 hest, 1 stut, 3 kvier, 6 sauer, 3 bukkar og 1 svin.

#### Garden brenn!

Kiddel Andersen Nedre Møretro og Kiddel Knudsen Øvre Møretro møter i retten 30. mai 1782 og melder at «en ulykkelig ildevaade opkom paa bemeldte gaard sidstleden den 3. mai, og nedlagde i aske alle paa gaarden staaende husebygninger, fra den ringeste til den største, indtet undtagen». På 1½ time var alt brunne ned.

Det var nok eit hardt tap. Men i 1784 spør justisråd Scythe «almuen» om husa på Øvre og Nedre Møretro er bygd opp att etter bran-

nen og får til svar at «husebygningerne paa begge gaarde i forsvarlig stand er opbyggede».

*Det kostar å bygge.*

Kiddel kom nok i stor gjeld etter brannen. Då det er skifte etter kona hans, Ingeborg Christoffersdtr, i 1789 har han ei gjeld på 465 rd. Garden blir ved registreringa sett i 540 rd. Det er lausøyre for 37½ rd, m. a. hest, 2 kyr, 1 kvie, 3 sauer, 2 lam og 2 kje. Før brannen hadde han nok pengar, for det er ein obligasjon frå Peder Nilsen Iglund frå 1780 på 100 rd og rente vel 9 rd. Av gjelda er 225 rd til Arne Olsen Skiftenes for innestående fars- og morsarv. Det blir til deling mellom faren og 2 søner og 2 døtre i alt 210 rd. Kiddel dør året etter.

Knut Kittelsen overtok garden etter faren i 1790, men selde i 1793 til broren Christoffer Kiddelsen 9 ksk for 350 rd. Knut var brukar av heile garden i 1792 og sådde då ½ tn rug (avl. 3 tn), 3 tn bygg (16 tn) og sette ½ tn poteter, avling 6 tn.

Christoffer Kiddelsen vigde i 1794 med Barbro Ellefsdtr Fladen (Østerhus). Far hennar, Ellef Hansen, kjøpte i 1796 ved auksjon 1 hud 6 ksk i Øvre Møretro for 720 rd som han pantsette til Mads Møglestu for 350 rd. Christoffer får nok løyst inn dette godset, for ved sk etter Barbro i 1821 sit han med heile garden, men Magnhild Ellefsdtr skal ha 3 ksk som «fledføring». Dei to hudene blir sett i 912 spd. Han har lausøyre for vel 58 spd. Gjeld 205 spd. Det blir opplyst at Christoffer har fått jordegodset dels ved skj 1793, dels ved arv etter svigerfaren Ellef Hansen. Madam Feiff, enka etter Mads Møglestu, hadde sagt opp lånet som Ellef hadde fått. For å greie gjelda hadde Christoffer, heiter det, vore nøydd til «at inklade sig i handel med Tellef Haavorsen Stensvand om at sælge ham 1 hud 1½ ksk av odelsgodset foruden huser». Den fråselde

part blir sett i 450 spd, hovedbruket i 576 spd. Det blir då ved skiftet att 702 spd etter at gjelda er betalt. Buskap: 3 kyr, 1 kviekalv, 1 studkalv, 6 sauer, 3 lam.

I 1826 kjøper sonen Kittel Kristoffersen odelsgodset tilbake for 780 spd. Han pantsett då 1 hud 5⅜ ksk til Tellef Haavorsen Østerhus for det han hadde gitt, 780 spd rede sølv. Pantet blir avlyst i 1831. Kiddel, som var einaste son, d i 1841.

Kiddel hadde lagt odelsak mot Tellef Haavorsen, ved verge Christen Jensen Nærebø. Ved taksten på dei 13½ ksk blir oppført: Utsåd 2 tn bygg, avling 10 tn, rug 5⅝ skj (3 tn), poteter 2 tn (12—14), lin 1 notting (1½ lisp.). Kan fø 1 hest, 4—5 kyr, 10 sauer. Ikkje hus, liten frukthage. Skog i god vokster, kan gje for 9—10 spd netto til året. Takst: Jord 430, skog 230 spd, tils. 660 spd. Tellef kravde overtakst som kom på 540 spd for jorda og 240 for skogen, tils. 780 spd. I 1832 krev Christoffer og Kiddel takst over heile garden. Dei vil låne i Norges Bank. Taksten blir: Utsåd rug 1½ tn, avling 8 tn, bygg 3 tn (15), poteter 8 tn (80). Me må legge merke til det store oppsvinget i potetavlen i desse få åra. Skogen: Furu og gran, kun lidet eeg, netto til året 10 spd. Hus: I brukbar stand (ikkje verdsett). Garden blei sett i 1000 spd (sølv). Dei får i 1833 lånt 500 spd i N. B.

*Garden blir delt.*

I 1848 sel Christoffer Kittelsen, som då var ein mann på 77 år, halve garden til Anders Christensen Nærebø for 1900 spd. Christoffer fekk bnr 1, Anders bnr 2.

*Bnr 1.*

Christoffer d i 1853 og med han siste mann av ætta. Garden blir kjøpt av Elias Olsen Flaa,<sup>4</sup> som same år gjer uthogstkontrakt med

kjøpmann M. I Tveten og Chr. Christensen som får rett til å hogge det dei vil i skogen i 8 år for 425 spd. Elias betalte 800 spd for garden. Uthogstkontrakten syner at det måtte vere mykje oppspard skog på Møretro då og stigande prisar for trelast. Elias selde i 1862 frå det seinare bnr 4 for 100 spd. Året etter selde han så garden til Gunder Nilsen og Anders Larsen for 1200 spd og garden gjekk ut av ætta.

Ved delinga i 1848 hadde Christoffers bruk fått lnr 82 A, Anders Christensens bruk lnr 82 B. I 1865 deler dei nye eigarane garden. Gunder Nilsen får lnr 82 A, det seinare bnr 1 av skyld  $4\frac{5}{9}$  ksk. Zakarias Zakariassen, ein søsterson til Christoffer Kittelsen som i 1840 feste plassen Myra, får utlagt  $\frac{1}{2}$  ksk lnr 82 D, nå bnr 5. (Bnr 4 som Elias Olsen selde i 1862 til Ellef Nilsen fekk lnr 82 C.) Vidare fekk John Knudsen Midstu  $1\frac{1}{2}$  ksk lnr 82 E, nå ein del av bnr 6. Anders Larsen fekk lnr 82 F av gl. skyld 3 ksk, nå bnr 7. Jonas Kristiansen Torp fekk lnr 82 F, 3 ksk. Det gamle hovedbruket som Elias Olsen selde blei såleis redusert til  $\frac{1}{3}$ . I 1870 sel Gunder Nilsen på ny frå 1 ksk til John Knudsen for 150 spd. Slått saman med bnr 6. Gunder Nilsen sat då att med  $3\frac{5}{9}$  ksk, men må gå frå garden i 1873. Christen Larsen får auksjonsskj for 700 spd. I 1894 går bruket over til sonen Lars Christensen Torjushaven. I 1901 sel han frå bnr 12 Havemyra for 1200 kr. Dette bruksnr høyrer nå saman med bnr 1. I 1910 sel arvingane etter Lars Kristensen bnr 1 av sk mk 1.42 og bnr 10 av sk mk 1.92 til Jens A. Gitmark for 8500 kr. Same året blir frå bnr 1 fråskild bnr 16 Rossefjellet skyld 12 øre, og frå bnr 10 Rossefjellet bnr 17 av skyld 15 øre som Anders Matiassen Møretro kjøper for 700 kr. Eige-domane blir så i 1912 seld til Ole S. Smedsland for 7100 kr. I 1914 blir frå bnr 1 fråskild bnr 18 Lillehei av skyld 4 øre som Elias Jakob-

sen Møretro kjøper for 400 kr. Bnr 1 har då att skyld mk 1.26. Ole Larsen sel i 1919 bnr 1, 10 og 12 til Nils Pedersen Nærebø for 26 000 kr. I 1942 overtar sonen Trygve Pedersen for 16 000 kr.

Bruket har 30 da dyrka mark og 100 da produktiv skog. Sætehus bygd i 1885 i  $1\frac{1}{2}$  høgd, modernisert 1946. Uthus 1912. Det er stabbur på garden.

#### Bnr 2.

Anders Christensen Nærebø<sup>5</sup> fekk som nemnt dette bruket i 1848 då Christoffer Kittelsen delte sitt bruk i Øvre Møretro i to. Dette bruket er ikkje blitt oppstykket slik som bnr 1. Ved skifte etter kona Anne Marie Øvensdtr fekk Anders Christensen heimelsbrev på eige-dommen for 1200 spd. Mathias Andersen får tingl skj i 1907 for 12 000 kr. I 1883 var det fråskild eit lite stykke til Kristen Larsen. Mathias selde i 1918 frå bnr 20 Havemyra av skyld mk 0.78 som Elias Jakobsen kjøpte for 3500 kr. Same året overtok Anders Matiassen Møretro garden for 21 500 kr. Med i kjøpet var au bnr 3 av skyld mk 5.55. Frå bnr 1 selde Anders i 1937 frå bnr 23 Solhaug av sk 10 øre som Peder Moy kjøpte for 375 kr. I 1949 skilde han frå bnr 27 Rossefjellet av skyld 90 øre som sonen Arne overtok for 6000 kr. Gjekk ut frå bnr 1 og 3. Bnr 1 har då att skyld mk 5.06 (og bnr 3 som er gått ut frå Nedre Møretro mk 3.66). Eige-dommen har 59 da dyrka mark og 250 da produktiv skog. Sætehus bygd av Anders Christensen i 1850 i  $1\frac{1}{2}$  høgd, modernisert 1950. Uthus 1892. Dessutan stabbur og vognskjul.

Då Anders Møretro døde i 1958, overtok sonen Matias garden.

#### Bnr 4.

Elias Olsen Flaa selde  $\frac{5}{8}$  ksk til Ellef Nilsen i 1862 for 100 spd. Blei utskild frå bnr 1



same året. I 1894 blei fråskild bnr 11 av skyld 7 øre. Bnr 4 har då att skyld 8 øre. Lars Gunleivsen fekk skifteskj i 1928 for 2000 kr. etter Gunleiv Larsen Møretro og kona Marie.

#### Bnr 5

gjekk ut frå bnr 1 i 1865. I 1866 fekk Zakarias Zakariassen skj for 62 spd 60 sk. Han hadde nok tidligare bygd på plassen. I 1882 gjekk eigedomen over til enka Ingeborg Christensdtr for 985 kr. Året etter gav ho bort det ho åtte til brorsonen Christen Larsen Møretro. Då Christen Larsen var død, overtok faren Lars Christensen Torjushaven eigedomen i 1896. Arvingane selde i 1917 til Nils Abrahamsen Josal f 1882. I 1953 blei fråskild bnr 28 Haugtun sk 8 øre som Nils A. Møretro selde i 1954 til Oddmund Lia for 800 kr.

Bnr 5 har skyld mk 0.20. Til høyrer og bnr 8 og bnr 4 Torp av skyld 10 øre. Bruket har 25 da dyrka mark og 50 da prod. skog. Sætehus bygd 1917, uthus same år.

#### Bnr 6.

Størsteparten av dette bnr gjekk ut frå gnr 32 Midstu. John Knudsen Midstu fekk som nemnt i 1865 utskild 1½ ksk (lnr 82 E) frå bnr 1 og slo i 1866 dette saman med lnr 87 B. Det fekk bnr 6 Møretro. Til dette bruk blei i 1873 lagt lnr 82 G, dei 3 ksk som Jonas Kristiansen Torp hadde kjøpt av bnr 1 i 1865. Vidare blei tillagt 82 H. I 1880 blei eigedomen delt på ny, noe blei lagd til Midstu og noe til Lunden. Tilbake blei då bare det som var gått ut frå Møretro, 5½ ksk. Buet etter John Knudsen Midstu og Trine Olsdtr selde i 1888 til Mathias Kristiansen for 4400 kr. I 1891 fekk Ole Olsen Torp auksjonsskj for 3820 kr. I 1904 selde han frå bnr 14 Sandkjær av skyld 12 øre til Ole Salomonsen for 350 kr. Enka etter Ole Torp, Berte Terjesdtr,

selde i 1916 til svigersonen Karl Nilsen Viken som då au overtok Torp. Karl Nilsen skilde i 1917 frå parsellen Storevoll bnr 19 av skyld 26 øre, som han året etter selde til Ole Øster-vold. Nils Torp overtok bnr 6 i 1933 saman med Torp.

#### Bnr 7.

Denne eigedomen blei utskild frå bnr 1 i 1865 til Kristian Larsen, men han fekk først skj i 1872 for 300 spd. Det er sidan ikkje tinglyst eigedomsoverdraging, men Elias Jacobsen Liene kjøpte denne eigedomen i 1888 og bygde der året etter.<sup>6</sup> Dei gamle husa hadde brunne. Sonen Jakob Møretro overtok i 1926. Nye uthus blei bygd i 1890. Bnr 7 har skyld mk 1.77. Til denne eigedomen høyrer og bnr 20 Havemyra som Elias Jacobsen kjøpte av Anders Møretro i 1918 for 3500 kr. Vidare høyrer til bnr 18 Lillehei som Elias kjøpte i 1916 for 400 kr. (fråskild frå bnr 1 i 1914, skyld 4 øre). For desse to eigedomane fekk Jakob Møretro heimelsbrev i 1947 for 3900 kr.

Eigedomen har 30 da dyrka mark og 140 da produktiv skog.

\*

*Møretromonen* bnr 11 blei utskild frå bnr 4 i 1894 med skyld 7 øre. Ole Johnsen Mos-eid var kjøpar. Karl Johannesen fekk auksjonsskj i 1935 for 2500 kr. Han selde i 1940 til Severine Bertelsen for 6000 kr. Eigedomen har 10 da dyrka mark. Sætehus i 1½ høgd.

*Kryssen* bnr 22 av skyld 10 øre selde Anders Møretro til Harald Stien i 1934 for 250 kr. Harald Stien bygde der eit tøhøgda hus med forretningslokale, men selde i 1939 til Per Hortemo for 10 000 kr.

*Solhaug* bnr 23 av skyld 10 øre kjøpte Peder Moy av Anders Møretro (bnr 2) i 1937 for 375 kr. Reddal kristelige ungdomsforening og Reddal avholdslag kjøpte i 1944 for 500 kr.

*Nedre Møretro.*

På Nedre Møretro sat Anders som tidligare nemnt, og sonen hans Jon Andersen frå omlag 1627. Han var 66 år i 1664 og brukar av heile Nedre Møretro i 1668. Det var Christen Hjort som åtte garden og seinare arvingane hans. Jon sat nok med garden heilt til ikr. 1677, for på eit ledingsting på Ytre Østerhus i 1687 møter Jens Jonsen Møretroae og spør futen «hvur lenge han har verit skattebunde baade i fred og kriges tid». Futen svarar at Jens har vore «skattebunde» og skatta av 2 huder 1 gsk i Møretro «ungefer 10 aars tid». Det blei au stadfest av dei som var tilstades på tinget.

Jens Jonsen var f kring 1640 og d i 1717. Alderen hans er då oppgitt til 77 år, men 70 år i 1701 og 17 år i 1664. Han var gm Anne Kiddeldtr frå Øvre Møretro. Eldste sonen Kiddel d før faren. Han var gm Todne Nilsdtr som ætta frå Christen Hjort, og i 1705 freista han saman med Ambjørn Svendsen Holte og Gunnu Hagestad å få tak i halve Øvre Møretro. Retten seier at det er på det reine at «sagsøgerne med deres interessende er av Christen Hiorts æt og avkom», men det er på det reine at korkje dei eller forfedrene deira noen tid har havt garden til bruk og åsæte. Søkjarane blir dømt til å la motparten, ættlingane etter Kiddel Aanonsen, løyse inn godset på nærare fastsette vilkår, noe som me har set blei gjort. Kiddel hadde ein son Nils som var 10 år ved sk etter Jens Jonsen i 1719.

Alf Torjusen Vestre Flaa kjøpte 6 ksk i Møretro i 1713 av Todne Nilsdtr Nedre Holte (enke etter Ketil), Rannei Olsdtr (mor til Todne) og Gunnu Terkildsen Hagestad. Alf budde på Møretro frå 1710 og utover ei tid.

Det blei ein yngre son til Jens Jonsen, Anders, som kom til å overta farsgarden. Anders, som var f ca. 1686, kjøpte i 1726  $7\frac{3}{10}$  ksk av Haavor Jensen Berhus for 135 rd, og i 1731 av Alv Torjusen Flaa  $13\frac{1}{2}$  ksk (halve garden)

for 209 rd. Anders var gm Inger Osmundsdr. Ved sk etter Anders i 1726 eig han heile Nedre Møretro 2 huder 3 ksk verdsett for 409 rd. Det blir der opplyst at han har kjøpt 1 hud  $1\frac{1}{2}$  ksk i 1726 av Haavor Jensen Berhus. Det er same året som Arne Knudsen Øvre Møretro kjøpte av Anstein Olsen Ryen. Halve Møretro etter gamalt skyld blei såleis «heimkjøpt» det året, etter at garden hadde vore på utanbygds hender i omlag 100 år. Sonen Kiddel Andersen f ca. 1717 overtar garden av mora Inger Osmundsdr i 1761. Han var gm Todne Larsdtr Dolholt. Saman med svogeren Nils Larsen Dolholt kjøpte han i 1772 Grøslø sag for 250 rd.

Då mora sat med garden, freista Anders Alvsen Flaa på vegne av son sin Peder Andersen å take på odel den halvparten som Torjus Alvsen hadde ått. Det blir i saka opplyst at Alv hadde budd på Møretro 4—5 år. Inger Osmundsdr blir frifunnen for søksmålet og Anders Alvsen må betale vel 7 rd i sakskostnad.

Kiddel Andersen døde i 1790, same året som Kiddel Knudsen på Øvre Møretro. Ved sk blir 1 hud i garden utlagd til Fredericha Aalholm for gjeld 288 rd. Sonen Lars Kiddelsen får 6 ksk for 144 rd. Døtrene Ingeborg, Inger og Astri får 3 ksk hver. Kiddel på Nedre Møretro hadde nok au kome i gjeld på grunn av brannen i 1782. Ved sk åtte han 2 h 3 ksk i Møretro og 6 ksk i Vestre Bjørkos som han hadde kjøpt i 1789. Dessutan  $\frac{1}{4}$  i Grøslø priv. sag, verdsett for 25 rd. Møretro blei sett i 648 rd. Netto blei det 671 rd til deling. Det var 2 hestar på bruket og desse tok skrivaren for skiftekostnaden saman med ei bolsterdyne for 3 rd, tils. 27 rd. Buskapen elles var 4 kyr, 3 kvier, 1 stut, 1 kviekalv, 10 sauer, 3 geiter og 1 bokk.

*Bnr 9.*

Lars Kiddelsen var ugift. Han brukte garden i 1792 og hadde då tenestgut og 3 tenestjenter.

Sådde  $\frac{1}{2}$  tn rug,  $4\frac{1}{2}$  tn bygg (avl. 28 tn) og  $\frac{1}{2}$  tn poteter, avl. 8 tn. I 1801 er det bare Lars og søstera Ingeborg som er der. Ætta døde ut med denne slektleden. Den eldste Inger d i 1818 av tæring, Ingeborg d i 1823. Astri blei g til Nævestad i 1794. Lars greidde seg nok ikkje på garden, for i 1821 får Nils Hald auksjonsskj på 2 h 3 ksk i Møretro og 6 ksk i Bjørkos for 1520 spd. Han selde same året til Aanon Gundersen Torp for 2073 spd og gjorde såleis god forretning på denne gardhandelen. Garden går ut av ætta.

Aanon Torp delte garden i 1822. Enka Ingeborg Kittelsdtr fekk  $3\frac{3}{4}$  ksk og Astri Kittelsdtr  $\frac{3}{4}$  ksk. Sjøl sat han då att med 1 hud  $10\frac{1}{2}$  ksk. Aanon d i 1833 og enka Johanne Øvensdtr gifte seg oppatt med Knud, halvbror til Aanon. Heller ikkje dei hadde born. Dei testamenterte i 1856 i alt 1400 spd. Eit bruk i Jaavoll skulle gå til Jørgen Olsen. Elles skulle Hans Johnsen Morholt og Matias Gundersen vere universalarvingar. I 1858 då Johanne er blitt enke, gjev ho bort alt ho eig til Nils Johan Johannesen Inntjore, men Matias Gundersen protesterer. Johanne d i 1864 — 89 år gl.

I 1867 er bruket gått over til Petter og Ole Christensøner (Jaavoll). Dei deler det året til Anders Christensen som i 1848 hadde kjøpt bnr 2 Øvre Møretro, nåverande bnr 3. Bruket blei delt i to med ny skyld mk 5.55 på hvert bruk. Det var Hans Johnsen Morholt og Matias Gundersen i Grømsstad som sat med eiegen, for dei gjev i 1869 skj til Petter og Ole Christensøner for 2200 spd og til Anders Christensen for same sumen. I 1873 sel Petter og Ole bnr 9 til enka Gunhild Knudsdr Torp for 2000 spd. Året etter fekk Carl Kristensen heimelsbrev for 1600 spd. Det budde ikkje folk på denne eiegen i 1875. I 1900 fekk Tobias Aanonsen auksjonsskj for 6920 kr. Tobias var f i Haslebulia i Greipstad 1860 og g 1889 med Johanne Katrine Olsdr, dotter til

Ole Knudsen Nærebø. Johanne fekk garden av faren. Tobias selde frå bnr 13 i 1903 og bnr 15 i 1919. I 1931 skj han garden over til sonen Lars Tobiassen Møretro for 16 000 kr. Lars selde i 1943 frå bnr 25 Dalsmoen av skyld 12 øre til Karl Johannesen for 1250 kr. Bnr 9 har då att skyld mk 5.40. Til eiegen er det store 2-høgda sætehus.

#### Bnr 3

blei som nemnt kjøpt av Anders Christensen i 1869 og er sidan brukt saman med bnr 2. Anders Møretro selde frå i 1919 bnr 21 Sandkjær av skyld 75 øre, i 1934 bnr 22 Kryssen av skyld 10 øre, i 1940 bnr 24 Moås av skyld 50 øre, i 1944 Nyheim bnr 26 av skyld 4 øre og i 1949 Rossefjellet av skyld 50 øre. Bnr 3 har då att skyld mk 3.66.

#### Bnr 10.

Det var dette bruket som Ingeborg Kristofersdtr fekk utlagt i 1822 ved delinga av bnr 9. Bruket gjekk over til Ellef Eriksen (Skarpeiteig) som i 1859 testamenterte det til Lars Christensen Torjushaven. Unnateke var jordstykket Rumpen som blei gitt til Reddal faste skole. Sidan 1910 har denne eiegen høyrd saman med bnr 1, Øvre Møretro.

\*

*Høigilt bnr 13* blei fråskild bnr 19 i 1903 med skyld 2 øre. Det var bygd her i 1892. Eiegen har 17 dekar dyrka mark. Eigar frå 1937 er Peder Nilsen. Foreldra Marie og Nils Olsen hadde eiegen tidligare.

*Sandkjær bnr 21* av skyld 75 øre selde Anders Møretro til Lars Olsen Møretro i 1920 for 3300 kr. Gjekk ut frå bnr 3. Uthus bygd same år, sætehus 1927. Eiegen har 13 dekar dyrka mark og 40 dekar skog.

*Moås bnr 24* av skyld 50 øre selde Anders Møretro til sonen Arne i 1940 for 1200 kr.

Det fylgde med part i øya Kjøholmen. Sætehus bygd 1950. Otto Skogly kjøpte eigedomen i 1948 for 10 000 kr.

#### PLASSAR

Det er ikkje mykje me finn om plassar under Møretro. I 1801 er som 2. familie ført opp: Gundløv Aanonsdtr, 66 aar, enke 1. gang. Spinnerske. Marthe Hansdtr, hendes datter 29 aar ug. Anne Michelsdtr, husmandsenke 49 aar, spinnerske. Aanon Aanonsen, hendes søn 6 aar.

I 1774 har Osul Aanonsen Myrtræie og Mari Michelsdtr sonen Salve til dåpen. I 1784 gifter Børre Olsen Myrtræie seg med Ane Olsdtr, men meir veit me ikkje om desse eller hvor dei budde.

Christen Kittelsen fester i 1808 til Halvor Andersen og kona halvparten av eit utmarkstykk, Ødegaarden kaldet, for årlig leige 2 rd. Men heller ikkje dei finne me noe om.

*Myra.* I 1840 fester Zakarias Zakariassen og kona av Christoffer Kittelsen for deira levetid «en plads Myren og Homlestykket» med årlig leige 3½ spd. Zakarias var f 1811. Mora var Susanne Kiddelsdtr, og Zakarias var såleis søsterson til Christoffer, som tidligare nemnt. Zakarias d i 1881. Sjå bnr 5.

På *Moltemyrmonen* eller Møretromonen budde Anders Madsen i 1875, f 1836 i Landvig, gm Aase Tomine Nilsdtr (Josal) f 1843 i Vigmostad. Kona og borna d av tæring og huset blei brent. Nå bnr 11.

*Svinnevika* var plass under Møretro, fortel Martinius Nærebo. Der budde Ola Nilsen Grindalen. På Feierplassen ved Sønle budde Ola Feierplassen. Denne plassen er nedlagd.

*Rossefjell.* Anders Møretro fortel: Møretro hadde før i tida 3 kvihus på Rossefjell. Her hadde alle bruka i Møretro sine kuer om sommeren og gikk og melket 2 ganger om dagen. Det var stelt til et trev i kvihuset og her lå hjuringen. Like ved kvihusene var det en fir-

laftet stue. Det var en plassmann som budde her, og lå i et felles skogstykk. Den siste som budde her (antagelig omlag 1800) var Knut Gundersen med kone som hette Sara. Knut dreiv som hjuring om sommeren. En søn Gunder kom til plassen Hesthagen, og budde der all si tid. Omlag det same fortel M. Nærebo. Han meiner mannen som budde på Rossefjellplassen heitte Lars. Lars gjætte for Møretro. Han var så god til å blåse på lur. Om morraen når han slepte gjekk han ut på Knutten og blåste: Kom Sara mi, ta Gonner me, nå slepper æ.

#### *Jord, avling og buskap.*

Møretro, Østerhus, Midstu, Torp og Lunden låg i teigblanding ved matrikuleringa i 1867. På Møretro er det oppgitt i alt 144½ mål dyrka og 18½ mål naturlig eng. Dei reknar at garden kan fø 3 hestar, 12 kyr og 18 sauer. Til samanlikning kan nemnast at matr 1723 fører opp 2 hestar, 18 naut, 10 sauer og 10 geiter. I 1875: 3 hestar, 10 kyr og 3 ungdyr, 18 sauer. 1950: 4 hestar, 15 kyr. Jordvidda er auka ved nydyrking.

Utsåd og avling 1867: Kveite 2 tn — 12¾, rug 1¼ — 8, bygg 1½ — 12¾, havre 6½ — 37, poteter 16½ — 102 tn. Dette blir på garden ein samla utsåd av 11½ tn korn og 16½ tn poteter, mot 7 tn korn og 1 tn poteter i 1792, og 8 tn korn i 1723.

Den samla høyavling er i 1867 oppgitt til 170 skp. Det er ikkje utslåtter til garden. Om beitet heiter det: En stor del av havnegangen ligger saa ubeqvemt at den synes ikke at være til nogen nytte, for øvrigt er den her som andetsteds i Redal langt fra tilstrækkelig. Me kan her vise til det som er nemnt om at dei hadde kvihus ved Rossefjell og gjekk dit og mjølka morgon og kveld.

Anders Møretro fortel<sup>7</sup> at farfar hans, Anders Kristensen Møretro, kjøpte den første slå-

maskin som kom til Reddal i 1886. Han var saman med Ole O. Torp om dette. Året etter kjøpte Ola Torp parten av Anders, og Anders kjøpte maskin aleine. Same år kjøpte Lars Udjus maskin. Og i 1888 blei det kjøpt 4 maskiner til bygda.

Om jorddyrkinga heiter det i oppteikninga: Den tid far overtok gården, var der adskillig jord som ikke hadde vært pløyd, men overflatedyrket. Det blev gjort på den måten at dukene som blev anlagt på den udyrkede jord som var tørrlagt etter utgravningen, blev gravd i mellom som åpne grøfter. All grøftejorda ble spredd utover, hakket, gjødslet og tilsådd med korn. Grasfrø ble ikke sådd i, men sådde sig selv ved valling. Høyavlingene ble minimale, husker i 1901 at vi tok det på et lass (ca. 2 skp) av 2,5 dekar. Og ring næringsverdi. Fra min tidligste ungdom var jeg med på å legge disse åpne grøfter igjen til lukkede grøfter. Vi brukte drenerør, stein og bord. Har sikkert vært med på nevnte arbeid på 40 dekar.

Møretro fortel at det elles var skogen som hadde den største interesse heilt til på slutten av 1800-talet. Dei var betre opplært til skogsarbeid enn til jordarbeid . . . . men da krakket

i 1902 var vel overstått, blev interessen større år for år utover for å få jorda i bedre kultur. Der var da også lettere adgang til kunstgjødsel og kalk enn tidligere.

Om si eiga gardsdrift skriv Møretro: Den første tid av gardsdriften min var det bare dyrking av høy, korn, poteter og rotfrukter, og alt foret, unntatt potetene ble foret opp på melkekuene. Melkeinntekten var absolutt hovedinntekten. Siden har det vært en del dyrking av grønnsaker som tildels har gitt gode inntekter. Litt frukttrær er det også på bruket og gir år om anna kontanter.

Om skogen fortel han at far hans høsten 1900 selde på 8"—12' til skipsreder Bang, men sidan den tid har det ikkje vore drive dimensjonshogst i skogen.

#### MERKNADER

1. Om ætten: Sjå Møretro-ætta I.
2. Sjå om utskyld det som er skrevet om Udjus.
3. Sjå Møretro-ætta II.
4. Elias var gm Johanne Nilsdtr Lunden, einaste barn til Nils Ellefsen Lunden og Elen Christoffersdtr Møretro.
5. Sjå Tingstveit-ætta.
6. Sjå Liene-ætta.
7. I oppteikningar frå ikr. 1950.

## ØSTERHUS ØVRE

Gnr 31

Namnet tyder på at garden ikkje er ein opphavlig landnåmsgard. Første rudningsmannen der sat auster-i hus, eit namn som sidan i bygdemålet er avslipt til *Ustrus*. Torp var nok den sentrale garden, men at Østerhus au er ein gamal gard, kan det ikkje vere tvil om. Det er gjort fleire fornfunn på garden, m. a. funn frå bronsealderen.

Første mannen me kjenner på garden, er Reier Østerhus som er nemnt som krone- og leiglendingsbonde frå 1610 og utover. Han brukte nok heile garden som då var på 4 huder, i 1668 sett ned til 3 huder. Reier Østerhus var lagrettemann ved eit skifte på Nævesdal i 1617.

I 1624 eig Jacob Reiersen — eller Reersen som futen skreiv — 6 gsk i garden saman med sine søsken. Laurits Christensen Vestre Skiftenes åtte 1 gsk, odelsgoods som kona hans hadde. Han hadde au 1 hud pantegods i garden.

Jakob og brøren Hans har nok delt garden der det sidan har vore to bruk som har gått udelt til vår tid. Ætt etter Jacob sat på bnr 3. Siste mannen i ætta var Jens Osmundsen som d i 1853. Dottera Johanne gm Matias Knudsen Midstu overtok bruket. Dei hadde ei dotter, Anne Margrethe, som i 1903 selde garden

til Aslak Heldal, og garden gjekk då ut av ætta.<sup>1</sup>

Hans Reyersen, som var 62 år i 1664, åtte 1 hud i garden i 1643. I 1645 er Hans og hans quinde der, vidare «en quinde Ranni» som må ha vore enka etter Jakob. Hans hadde ingen søner. Men Aaslaug (Oslo) Hansdtr som d i 1717 — 83 år gl var nok dottera, vidare Ingeborg som d i 1715, 76 år gl. Det var nok Aaslaug som overtok garden etter Hans. Ho må ha vore gm Christen Pedersen som er 63 år i 1701 og då brukar 1½ hud i Østerhus saman med sin «svoger» Ole Ellefsen. Dei brukte det seinare bnr 1 — Hauene. Ole Ellefsen, som var frå Flaa i Birkenes var gm Anne Christensdtr.<sup>2</sup> Dei hadde ein son Hans som var 2 år ved sk e Ole i 1703. Anne gifte seg oppatt med Ole Aagesen Lia, også frå Birkenes og dei sat på Østerhus i stor velstand.<sup>3</sup> Det er trulig at Christen Pedersen som gifte seg til garden, også var frå Birkenes. Han hadde ein bror som au heitte Kristen, Christen Pedersen Jamsland, og ei søster Gro Pedersdtr Solbør (Solberg).

Hans Olsen, son til Ole Ellefsen, overtok bruket i 1752. Sonedottera, Barbro, som var gardjente, gifte seg i 1792, med ein birkenesing ho au, Gunder Knudsen frå Senumstad. Han

tusta bort garden som sidan kom på handel og hadde fleire eigarar. Gulloug Jomaas kjøpte denne garden i 1906.

Både bnr 1 Hauene og bnr 3 som begge blei overtatt av frolendingar, er med dei største i bygda, rekna etter skyld, over 10 skm på hvert bruk. Det er fråskild noen mindre partar som me seinare skal sjå.

Går me tilbake til 1640-åra, ser me at Hans Østerhus i 1647 åtte og brukte 5 gsk. Christen Hjort på Ve hadde fått tak i jord i denne garden au. Arvingane hans åtte 21 ksk. Og 1 hud var krongods. Ranni — ho er nå kalla Ragnill — brukte 20 ksk. Ho er nemnt fram til 1652.

I 1657 er Hans eigar av 5 gsk og Laurits Jacobsen, som var 29 år i 1664, eig 3 gsk. Tore Torp er då blitt eigar av 1½ hud som han nok har kjøpt av arvingane etter Christen Hjort. Dette godset går seinare over til Jakob Henriksen Friis på Molland. I 1668 då skyldet er nedsett til 3 huder, eig kongen 3 gsk, Laurits (Jacobsen) 10⅛ ksk og Dorte Molland med sine born i pant 1 h ⅞ ksk. Laurits brukar 5¼ gsk, Aasluff (Aaslaug Hansdtr) det same og Olle Torp 1½ ksk. Det heiter at garden kan fø 18 naut, 2 hestar og 24 «smaler». Utsåd 6 tn.

Me skal nå sjå nærare på dei einskilde bruk og tek til med

#### Bnr 1.

Dette bruket har bruksnamnet Hauene. Hans Reiersen var brukar trulig frå ikring 1628 då han er nemnt første gong og fram mot 1668. Då overtar Aaslaug Hansdtr. Ho må ha gift seg ikr. 1677 og frå då kan me rekne Christen Pedersen som brukar. Det var ikkje mykje dei åtte i garden då. I 1674 ser me at Hans U-strudsis born eig odelsgods 1⅜ ksk, det var det heile, medan søskenbarnet deira, Laurits Jacobsen sat med 9 ksk.

Frå 1698 er Ole Ellefsen Flaa, som då vigde med Anne Christensdtr, brukar saman med Christen Pedersen. Ole åtte ikkje noe i garden ved sk 1703. Han d i 1702, bare 32 år gl. Og det var ikkje så mykje han åtte elles heller. Det var 1 hest og 1 ku, 3 geiter og ein sau, utanom klæde og husbunad. Etter Christen Pedersen og Aaslaug er det ikkje funne skifte, så me veit ikkje kor mykje jordegods dei hadde, men Ole Aagesen Lia som i 1703 vigde med Anne Christensdtr som då sat som ung enke på garden, overtar nok bruket straks etter. Han er oppført som brukar i matr 1706 og eig då 1 hud 1½ ksk og er brukar av 1 hud 6 ksk, dvs. halve Ustrus.

Ola Aagesen var bare eit par og tjue år då han kom til Østerhus og han blei buande der all sin dag. Han d i 1763 — 83 år gl. I 1752 overgav han garden til stesonen Hans Olsen, som får 10 ksk for follaugget. Sjølv sat Ole att med 8 ksk som borna arva. Same året dør kona hans, Anne Christensdtr — 74 år gl.

Hans Olsen, som då var vel 50 år gl hadde i 1733 vigd med Barbro Toresdtr Torp, men dei budde ikkje på garden. Hans d i 1763, same året som stefaren Ola Aagesen. Hans sat då med heile bruket 1½ hud. Dei 8 ksk hadde han alt i 1752 kjøpt av halvbrørne og svograne deira. Buskapen var ikkje så stor: 3 kyr, 2 geiter, 4 sauer og hest.

Den eldste av sønene, Ole, var 27 år då. Han vigde året etter med Aase Olsdtr Havstad og overtok garden i 1769. Same året låner han 100 rd av Søren Svendsen Lunden og i 1776 70 rd av Jens Johannesen Nærebø. Han løyser då inn frå brørne Gunder Hansen Solberg og Ellef Hansen Fladen 7½ ksk for 105 rd til saman. Same året han dør, i 1788, løyser han inn resten 3¾ ksk som broren Tore sat med, for 52½ rd.

Ole Hansen hadde ingen son som levde opp. Same året som faren døde vigde eldste

dottera, Barbro Olsdtr, med Knud Olsen som då tente på Torp. Han fekk utlagd garden  $1\frac{1}{2}$  hud ved skiftet etter Ole same året og pantsette bruket til Lars Andersen Inntjore for 300 rd. Knud d alt i 1790. Han hadde som nemnt  $1\frac{1}{2}$  hud i garden som blei verdsett til 450 rd og lausøyre for 84 rd, men det var mykje gjeld, m. a. til Lars Inntjore, så nettoen blei  $144\frac{1}{2}$  dl. Buskapen var då 3 kyr, 2 kvier, 3 sauer, 3 geiter og 1 bokk. Hest ikkje nemnt.

Barbro Olsdtr sat ikkje lenge enke. Ho brukte garden saman med mor si i 1792. Same året gifte ho seg oppatt, med Gunder Knudsen Senumstad «af Birkenæs Sogn». Dei fekk borna Kirstine 93, Knud 94, Ingebor 97, Ane 1800, Ane 03, Ole 06 (til Fjære 1829), Sivert 08.

#### *Ei rettssak om 2 ekestokkar og 1 ask.*

Året etter at Gunder er komen til Ustrus, legg han sak mot grannen sin, Osmund Berntsen som sat med det andre bruket. Retten blir sett i huset til Gunder Knudsen 6. desember. Gunder har stemna Osmund for ulovlig hogst av 2 eikar og 1 ask og møter med procurator Lassen som prosessfullmekt. Han hadde hatt med seg Nils Ommundsen Grindalen og Løvør Ellefsen Søndelsøya som vitne og spurde Osmund om han ville gjere opp frivillig for trea han hadde hogge, men det ville ikkje Osmund.

Thore Hansen som er 50 år og busett på Arnevig i Eide og Ellef Hansen på Fladen, farbror til Knuds kone Barbro Olsdtr, møter som vitne. Eilev har budd på Østerhus i 30 år. Han seier at bytte går midt i Gundersdalen og at bekken nedanfor skulle bytte. På austre sida av bekken har eigarane av Gunder Knudsen bruk hogge utan at det har vore «forment av Osmund Barentsen eller formand».

Etter vitneførsle er retten på synfaring. Den største eika har ein rotstokk 26 fot lang og 11 tommer i toppen. Toppstokken er 18 fot og 6—7" i toppen. Retten sette verdien av stokkane der dei lå til 4 rd. Det blir streka under at det er «grøe trær» som er hogne . . . og kunde have opnaet en anseelig væxt og bedre udnyttet naar de havde blevet besparede, heiter det. Askestoken er 26 fot lang med 8" topp, takst 1 rd 1 ort.

Lassen krev bot til dei fatige i sokna, då hans part ikkje vil kreve straff som lova tilseier, men at Osmund

blir dømt til å levere tilbake det han har hogge ulovlig. Likeins krev han skadebot og at motparten skal betale sakskostnad, i alt 40 rd. Etter krav frå Osmund blir saka utsett til 14 april.

#### *Nye stridsspørsmål — men det blir forlik.*

Året etter 6. mai blir retten sett i Osmund Barentsens hus. Procurator Ussing møter for Osmund med kontrastemning mot Gunder Knudsen «som i adskillige maader skal have fornærmet sin naboe». Og på vegne av Gunder kjem procurator Lassen også med ei ny stemning, m. a. skal Osmund ha «bemægtiget sig en hans gaard tilhørende faarehustomt, saavel som desuden sadt sin qvie tæt ved hovedcitantens stuehus, ham til fornærmelse og skade».

Grannestriden har som me har sett kvesst seg til, men likevel blir partane nå forlikte, slik:

1. «Fårehustomten» skal det ikkje byggast på, men ligge open og fri. Osmund skal ha den parten av tomta som ligg opp til hans «waanhus».
2. Quien ved Osmunds hesteløe må ikkje byggast lenger . . . saaledes at rumenet i mellom bemeldte staldbygning og Gunder Knudsen's waannehus ikke maa tilspærres eller med hestemøg belægges, og ei heller maa quien tillukkes, men skal bestandig ligge aaben og fri.
3. Skou-byttet følger bækken op til Reijset (reset?) og derefter midt efter Gundersdalen. Det blir same dag sett opp 4 steinrøyser til bytte . . . hvorav den 4de røys er opsadt i den mellemste klove eller fieldklyft, heiter det.
4. Trea som er hogne skal dei dele ved lottdraging! Og det fell slik ut at Osmund får den største eika, Gunder den andre eika og aska.

#### *Det går nedover på Hauene.*

Gunder Knudsen fekk ein gild gard med Barbro Olsdtr. Nå måtte han nok løyse ut tri søstre til Barbro og gjelda til Lars Andersen Inntjore. Garden var i 1790 sett i 450 rd og meir har vel ikkje Gunder betalt, men i 1799 pantset han  $1\frac{1}{2}$  hud for lån 900 rd. Eilev Øvensen Lunden skreiv under som kausjonist og sjølvskyldnar. Eit par år etter, i 1801, får Gunder eit lån på 250 rd av Eilev mot 2. pr. pant og Eilev får au pant i lausøyre. I 1804 må Gunder på ny ut på lånevegen. Han får



154 rd av Eilev mot 3. pr. pant i garden og 2. pr. i lausøyre. I 1806 får han konvertert sine lån. Han får 1000 rd av Christen Willumsen Groos mot 1. pr. i garden og får vidare 285 mot 2. pr. og 152 rd mot 3. prioritet. Han betalar inn dei gamle lån, men gjelda har auka. Han har elles meir gjeld enn dette. Same år han får ordna med dei gamle pantelån, blir han dømt til å betale Christoffer Aanonsen Midstue 200 rd som han er skyldig og får 10 rd i sakskostnad.

Det var lett å få pengar i denne tida. Og Gunder lever vidare på lån. I 1807 ser me at han pantset garden til Ingeborine Møglestu som får 4. prioritet (!) for eit lån på 150 rd. Men det er ikkje slutt med dette. I 1809 pantset han garden mot 1. pr. til Peder Thomassen for lån på 1900 rd og betalar då inn dei vel 1400 rd han då var skyldig Christen Groos. I 1809 får han også eit lån på 100 rd «av Kongen til udlaan blandt trængende bestemte capital». Pantet for dette blir elles avlyst same året, etter at han fekk det nye store lånet på 1900 rd. Han må ha vore reint ein tusting til å stelle seg denne Gunder. Alt i 1810 er han på ny ute og låner. Han får 700 rd av John Aanonsen Nærebø mot pant. Året etter, i 1811, er han ikkje snauare enn at han låner 3300 rd av incassator Jakob Ulstrup og han løyser då inn dei gamle pantehefte. Men i 1812 er det visst like ille, for då låner han mot 2. pr. 1000 rd av Christen Jensen Nærebø. Det var inflasjonstid med sterkt fallande pengeverd. Etter at dalaren var nedskreven, låner han i 1813 av Herlof Herlofsen i Kolbjørnsvig 2100 dl mot 1. pr. og 300 mot 2. pr. og lyser av dei to siste lån. Gunder blir sittande på garden eit bel etter 1814. Etter pengesaninga kom det vanskelige år, og det var ikkje lett å få lån. Og Gunder sat nok hardt i det. I 1820 «har Gunder Knudsen med 1. pr. pantsat alle sine løsøre effecter, samt heste, kiør og faar

creature» til Jens Pharo Holst i Grimstad for 100 spd. I 1823 er det slutt, etter at det har gått på lån i 30 år. Garden går til auksjon 3. januar det året. Madam Herlofsen slår til seg garden for 720 spd og får skj året etter. Gunder som måtte gå frå garden, døde som legdlem i 1844 — 76 år gl.

#### *Nye eigarar.*

Same året som mad. Herlofsen får auksjonskjøte, sel ho og sønene garden 18 ksk til Haavor Nilsen og Knud Haavorsen Steinsvand for 850 spd. Av kjøpesumen blir 250 spd ståande som pant. Haavor Nilsen som var frå Væting i Herefoss, hadde kjøpt Steinsvand i 1800, men flytta i 1825 til Redal saman med sønene Knud og Tellef.<sup>4</sup> Tellef hadde tidligare — i 1821 — kjøpt halvparten av Øvre Møretro, men Knud Kiddelsen tok bruket på odel i 1826. Haavor d i 1827 — 75 år gl. Og enka hans, Oddborg Larsdtr, gav seg då året etter i follaug til sønene Nils, Knud og Tellef. Men det var nok bare Knud og Tellef, dei to yngste sønene som var på Østerhus. Nils kjøpte eit bruk på Landvig og flytta frå Birkenes i 1832 — 50 år gl. Tellef flytta tilbake til Steinsvand. Oddborg held att 3 ksk til follaug. I 1832 pantset Haaversønene dei 15 ksk dei hadde i garden til Norges Bank for 230 spd.

Knud Gundersen, eldste son til Gunder Knudsen, la i 1826 odelssak mot Haaver og Knud, men greidde ikkje å løyse garden. Taksten blei 600 spd for hus og jord, 300 spd for skogen. Haaver og Knud sa seg misnøgde med taksten og kravde overtakst, men det blei det visst ikkje. Det var elles same dag takst på Møretro som Tellef Haaversen hadde. Me nemner frå taksten på Hauene: Utsåd bygg 3 tn, avling 12—13 tn, rug 1 tn (4), poteter 4 tn (32—34). Det er vidare notert ein utsåd av 2 notting linfræ med avling 3 bismerpund lin. Dei dyrka også hamp, utsåd 2 notting,

avling  $\frac{1}{2}$  bpd. Det heiter at garden kan fø 1 hest, 5—6 melkekyr og 10—12 sauer. Hus: Sædehus i taalig god stand, uthus maadelig. Skog: Væxter skov som først om 14—15 aar vil naa sin førlighed, furre og gran, men kun lidet eeg.

Knud Haaversen løyste etter hvert inn det brørne åtte i garden. Han vigde i 1834 med Astrid Iversdotter Lunden. Dei fekk 3 søner og ei dotter som levde opp, men då Amerika-febereren tok til å herje, selde Knud garden i 1846 og reiste til Amerika same året med huslyden sin og ei tenestjente, Else Ansteinsdtr Skiftenes. Skulestyrar Arnt Stensvand, son til Tellef Stensvand, fortel at Knud døde på reisa over.

Knud fekk 1400 spd for garden. Den nye mannen på garden var Endre Torkildsen Skraastad frå Oddernes. Men det blei ikkje lenge han var der. I 1849 selde han frå eit lite stykke til Lars Christensen Torjushaven for 50 spd og gav same året skj til Christen Larsen Udjus på lnr 84 av sk 4 dl 4 ort 19 sk for 1400 spd.

Og så reiste Endre og huslyden hans til Amerika same året. Endre var då 57 år og kona Maren Øvensdtr 55. Saman med dei fór alle borna unnateke eldste sonen som var gift og hadde to døtre. Dei kom frå Oddernes i 1848 og reiste tilbake dit. To søner og to døtre, den yngste 16 år, fylgde foreldra.

Christen Larsen lånte 990 spd for å greie kjøpet og sat med garden til sin død i 1854. Den nesteldste av sønene hans fekk dette bruket.<sup>5</sup> Peter Christensen var f 1828 og vigde i 1863 med Maren Kristine Jensdtr Nærebø og dei budde då på Hauene, men Peter fekk først skjøte på garden i 1879, for 7200 kr. Christen Larsen hadde i 1835 kjøpt til eit stykke frå Jaavoll gl. skyld  $\frac{2}{3}$  ksk for 100 spd. Denne parten lnr 75 c Jaavoll av

sk 22 sk blei slått saman med lnr 84 a Østerhus til eit bruk.

Det som blei utskild til Lars Christensen Torjushaven i 1849 var bare eit lite stykke som fekk lnr 84 b skyld 4 sk. Ved matr i 1867 er det oppgitt at det er  $1\frac{1}{2}$  mål dyrka jord til stykket og litt skog. Noe var forresten gått ut frå Midstu. Peter og Ole Kristensøner står oppført som eigarar i 1867. Ole flytta seinare til V. Moland og kjøpte gard på Møglestu. Garden var i 1867 på  $69\frac{1}{2}$  mål «leer og sand og myr, heller simpel» og 11 mål naturlig eng — sumpig myrmark, heiter det. Garden kan fø hest, 7 kyr og 6 «faar». Utsådd og avling: Kveite 1 tn — 6, rug  $\frac{3}{4}$  —  $4\frac{1}{2}$ , bygg  $\frac{1}{4}$  —  $1\frac{1}{2}$ , havre 3 — 18, og poteter 6 tn med avling 36 tn. Høyavling 40 skp. Skogen kan gje for 50 spd netto til året.

I 1875 har Peter Kristensen hest, 6 kyr og 2 ungdyr, 7 sauer og gris. Han sår  $\frac{3}{4}$  tn kveite, 1 tn rug, 4 tn havre, 6 skålp. grasfrø og set 4 tn poteter.

Peter Kristensen hadde bare ein son, Karl Johan Petersen. Han blei sjømann, blei gift på Tjore og flytta dit. Faren sat med garden til 1906. Han var då 78 år og hadde vore enkemann sidan 1874. Gulloug O. Jomaas kjøpte garden for 18 000 kr. Han reiv dei gamle hus og bygde nye store dobbelthøge sætehus i 1924, det største sætehus i Redal er det sagt. I 1926 overtok så sonen Jens Jomaas garden for 45 600 kr. Han bygde nye uthus i 1932. Også uthuset er det største i bygda der. På garden har han (1953): 2 hestar, 7 kyr, 3 sauer og noen griser. Jens selde i 1936 frå parsellen Torsmyr av skyld 2 øre. Bnr 1 har nå skyld mk 10.68, har 72 dekar dyrka mark og 700 dekar produktiv skog. Jens Jomaas er gm Kirsten Sparsås frå Froland. Dei har 2 søner og 2 døtre.

For bnr 1 kan me sette opp denne

*Eigar- og brukarrekkje gjennom 360 år.*

1. Reier Østerhus ca. 1590—ca. 1620
2. Hans Reiersen ca. 1628—ca. 1668
3. Aaslaug Hansdtr ca. 1668—ca. 1677
4. Christen Pedersen ca. 1677—1703.
5. Ole Aagesen 1703—1752.
6. Hans Olsen 1752—1763
7. Aase Olsdtr 1763—1769
8. Ole Hansen 1769—1788
9. Knud Olsen gm Barbro Olsdtr 1788—1790
10. Barbro Olsdtr 1790—1793
11. Knud Gundersen gm Barbro Olsdtr 1793—1823
12. Haavor Nilsen og Knud Haavorsen 1823—46
13. Endre Torkelsen Skråstad 1846—49
14. Christen Larsen Udjus 1849—54
15. Peter Christensen 1854(1879)—1906
16. Gulloug O. Jomaas 1906—26
17. Jens Jomaas 1926—

*Bnr 2* er den parten som Lars Kristensen Torjushaven kjøpte i 1849. Blei slått saman med 86 b Midstu av skyld 12 sk. Har nå skyld mk 0.21. Nils Abrahamsen fekk denne eige-  
domen saman med eit par bnr i Møretro (sjå der) og eit bnr i Torp i 1917 for 3250 kr.

*Bnr 3.*

Dette bruket har som nemnt gått i same ætt-  
legget frå først på 1600-talet til 1903. Reier  
Østerhus var brukar av heile Ustrus, trulig  
fram til kring 1620. Jacob som nok var den  
eldste av sønene, for det er han som er nemnt  
som eigar saman med sine søsken i 1624, over-  
tok det seinare bnr 3 som var halve garden.  
Han er trulig d kring 1640 og enka Ranni  
overtok då og sat med garden til ikr. 1652.  
Så er sonen Laurits Jacobsen brukar. Det er  
dsk etter han i 1701, men sonen Nils fekk  
trulig garden då han i 1692 vigde med Anne  
Berentsdtr Lunden. Nils var ikkje den eldste  
av sønene, han heitte Jacob etter farfaren, men  
han er trulig død i yngre år. Nils heitte etter  
morfaren.

Anne Berentsdtr d i 1704 — 44 år gl. Noen

stor rikdom var det ikkje dei hadde. Nils sat  
med 5 ksk i garden, 1½ ksk hadde han arva  
etter faren, men dette skifte er ikkje funne.  
Dei hadde lausøyre for 64 rd, m. a. 2 kyr, 1  
gjeldstut, 2 tjorar, 2 vaksne «søfuer», 4 geiter,  
3 kje og 1 lam. I matr 1706 står Nils som  
eigar av 8 ksk og brukar 1 hud 6 ksk.

Nils gifte seg oppatt i 1707, men fekk ikkje  
born med andre kona. Det er sk etter henne  
i 1739. Nils opplyser då at han har løyst inn  
alt jordegodset i Østerhus som var pantsett  
for gjeld ved skiftet etter foreldra i 1701. Dei  
får det til at han tilsaman eig 11 ksk i garden  
og dette blir verdsett til 91½ rd. Med laus-  
øyre kjem sumen opp i omlag 137 rd, men  
gjelda er like stor. Sonen Bernt Nilsen har til-  
gode 20 rd og dottera Kirsten som har vore  
heime i 9 år og ikkje fått løn, skal ha 20 rd.  
Dessutan har ho tilgode landskyld av ½ ksk  
i 35 år. For dette blir det ført opp 1 dl 3 ort  
7 sk. Det går au frå 9 rd til gravferdskostnad.  
Og skrivaren får sitt, m. a. 6 rd for skifte-  
brevet.

Nils Larsen d i 1741 — 75 år gl, og først  
då overtok eldste sonen Bernt Nilsen. Han  
hadde alt i 1723 fått kjøp på 4½ ksk. Det  
var justice og cancelliraad Severin Wildtschytte  
til Lindholm som det året selde 9 ksk i garden,  
4½ ksk til Ole Aagesen og 4½ ksk til Bernt,  
trulig det gamle krongodset i garden. Dei be-  
talte 35 rd hver.

Bernt Nilsen var gm Inger Osmundsdr,  
men budde ikkje på Østerhus då han gifte  
seg. Han var likna for 20 rd i 1743, men Ole  
Aagesen som sat på det andre bruket, stod  
med 353 rd. Denne likninga galdt ikkje faste-  
godset. Bernt må ha kome seg godt opp, for  
ved sk etter han i 1764 åtte han heile garden  
1½ hud. Eldste sonen Osmund var då 30 år.

Osmund Berentsen som var gm Astri Johan-  
nesdtr Lunden, overtok garden først i 1772.  
Osmund Berentsen med 2 søner og 2 døtre er

på Ustrus i 1792, brukar 1½ hud, sår 1 tn rug (avl. 3), 4 tn bygg (20) og ⅛ tn poteter (2). Rettssaka han hadde i 1793 er tidligare nemnt. Ved skifte etter Astri Johannesdtr i 1798 blei Osmund og sønene utlagd 1½ hud i garden.

Osmund Berentsen d i 1803 — 70 år gl. Same året gifte eldste sonen Jens Osmundsen seg med Johanne Olsdtr Midstu og overtok garden. Ved sk etter faren var det 491 rd til deling på 2 søner og 3 døtre. Det var 4 kyr og hest på garden då. Hesten blei sett i 24 dl, beste kua i 12½ dl. Me kan merke oss at ein 1½ skp kakelomn blei sett i 12 rd, eller like mykje som den beste kua.

Jens sat nok godt i det. Eller han styrte betre enn grannen. Me ser ikkje at *han* er ute på lånemarknaden. Han kjøpte Efteviga i 1811 og 2 ksk i Jaavoll i 1817 for 100 spd. Dette siste jordegodset selde han elles i 1826. Jens d 1853 — 75 år gl. Han var 2. gong gm Marthe Margrete Pettersdtr Jaavoll som d 1847. Dei hadde bare 2 døtre som levde etter dei. Den eldste, Johanne, vigde i 1847 med Matias Knudsen Midstu og dei overtok garden for 1000 spd. Matias døde alt i 1863 — bare 42 år gl. Og Johanne Jensdtr sat så med garden til sin død i 1895. Garden gjekk då over til einaste barnet, dottera Anne Margrete. Aslak Heldal kjøpte så garden i 1903 for 29 600 kr.

Til bnr 3 er lagt 3 ksk som er gått ut frå Nedre Lunden, så dette bruket blei på 21 ksk etter gl skyld. Matias Knudsens enke — slik er Johanne Jensdtr nemnt av matr.kommisjonen i 1867 — sat med lnr 85 Øvre Østerhus og lnr 95 e (Lunden). På den tid låg Østerhus, Møretro, Midstu, Torp og Lunden som nemnt i teigblanding. Skikk på dette blei det ikkje før ved utskiftinga i 1875—77.

Bnr 3 hadde i 1867: 62 mål «almindelig god leer, sand og myrjord» og 4½ mål naturlig

eng (sumpig myr). Garden kunne fø hest, 7 kyr og 12 sauer, meinte dei. Høyavling 80 skp. Utsådd og avling: Kveite ½ tn — 4 tn, rug ½ — 3, bygg 1 — 5, havre 1 — 6 og poteter 3 tn med avling 20 tn. Skogen kunne gje for 61 spd 60 sk netto til året.

Johanne Jensdtr må ha vore ei drivande kjer-ring. Ho var f 1811. I 1875 hadde ho hest, 1 stut, ikkje mindre enn 11 kyr, 2 ungdyr, 28 sauer og 1 gris. Til hjelp hadde ho dottera Ane Margrete som då var 20 år, ein tenestgut og 2 tenestjenter, begge vestanfrå. Anne Margrete bygde nye uthus på garden i 1896. I 1899 selde ho frå bnr 4 Østevoll av skyld 30 øre. I 1918 blei fråskild parsellen Skrubbekjær med skyld 40 øre. Jakob Møretro fekk skj på dette stykket i 1947 for 1000 kr. I 1936 fråseld parsellen Torsmyr, skyld 7 øre. I 1941 blei fråseld bnr 8 Tuekarten, som Landvik herad året etter fekk skj på for 995 kr.

Bnr. 3 har nå skyld mk 10.75, har 68 dekar dyrka jord og 1000 dekar produktiv skog. Nils Heldal, f 1883 i Froland, overtok garden av foreldra i 1907 for 18 000 kr. Garden har gilde 2-høgda sætehus bygd 1800, modernisert 1945.

For bnr 3 kan me sette opp denne

*Eigar- og brukarrekkje gjennom 350 år.*

1. Reier Østerhus ca. 1590—ca. 1620
2. Jakob Reiersen ca. 1620—ca. 1640
3. Ranni, enke e. Jakob (?) ca. 1640—ca. 1652
4. Laurits Jakobsen ca. 1652—1692
5. Nils Larsen 1692—1741
6. Bernt Nilsen 1741—1764
7. Inger Osmundsdr 1764—1772
8. Osmund Berentsen 1772—1803
9. Jens Osmundsen 1803—1853
10. Matias Knudsen Midstu gm Johanne Jensdtr 1853—1863
11. Johanne Jensdtr 1863—1895
12. Anne Margrete Matiasdtr 1895—1903
13. Aslak G. Heldal 1903—1907
14. Nils Heldal 1907—

*Bnr 4 Østevoll.*

Margrete Knudsen selde denne egedomen i 1899 til Hans Olsen. Han fekk skj i 1900 for 800 kr. Egedomen har skyld mk 0.30. Hans som var murar, bygde på bruket og har dreve godt der.

*PLASSAR*

Matr.kommisjonen 1867 nemner at bnr 3 har fellesskap i «Sørensplads paa Myren». Husmannsfolk er elles ikkje nemnt på Ustrus før i 1880 då Osul Nilsen Østerhus øvre og Anne Jonsdtr har dottera Oline Sofie til dåpen. I 1883 har dei sonen Ola til dåpen og Osul er då nemnt Aasul Nilsen Myrene, Østerhus øvre. I 1885 får dei dottera Anne Marie. Husmannskone Anne Johnsdtr Østerhus d i 1887 av tæring. Ho var f 1852 i Evje. Aasul var f 1853.

Tidligere er som husmenn nemnt Peder Nilsen med kona Aasille Jensdtr i 1856. I 1869 døde hm. John Baardsen Østerhus 71 år. I 1854: Torjus Andersen og Ingeborg Marie Salvesdtr.

Som inderster er nemnt 1847—53: Andreas Clementsen og Trine Marie Christensdtr.

I 1847: Anders Christensen og Dorthe Aanonsdtr.

1856: Peder Nilsen og Aasille Jensdtr.

*MERKNADER*

1. Om Reier Østerhus og etterkomarane hans: sjå Ustrus-ætta.
2. Sjå Flaa-ætta — Østerhus.
3. « Lia-ætta.
4. « Væting-ætta.
5. « Vinsland-ætta.

## MIDSTU

Gnr 32

Namnet seier seg sjøl, den midtre stova, eller misstau som dei seier i Redal. Garden høyrer til eit sentralt gardskompleks, men kan ikkje vere ein opphavlig landnåmsgard. Garden ligg midt i bygda og namnet kan vere komen av det. Eller ein kan tenke seg Torp som den opphavlige garden, så er Eystrihus bygd, og så kom Midstofa. I alle tilfelle er garden gamal og var fullgard, dvs. 4 huder, først på 1600-talet.

Det første namnet me møter på garden er Annond Midstu, i 1610. Og i dag, 350 år etter, sit det ein Aanund på hovedbruket på Midstu. Han er 12. mann i ætterekka på denne garden som har gått frå far til son i alle desse år. Ætta har greidd å halda på garden i ei tid då så mangt har vore i skifting, og det gamle slektsnamnet er halde i akt og ære.

I den første tid på 1600-talet, frå 1611 og utover, då Aanon er borte, møter me fleire namn. Det er Leidulv (Leyu), Rasmus og Nils, seinare Bjørn. Det er grunn til å tru at dei alle var søner til Aanon.<sup>1</sup>

I 1624 eig Nils Annonsen Midstu 11½ ksk odelsods i garden og Dorette Jeppesdaatter «er eigendis til odell med sine born» 7½ ksk. Dorte var «krone- og leiglendingsbonde» i 1623 og var nok brukar av garden saman

med Nils: Ho må vere enke etter Rasmus, for seinare finn me Aanon Rasmussen som åsittar på garden. Leidulf som er nemnt 1610 —13 høyrer me ikkje meir gjete. Bjørn Annonsen sat som brukar på Møretro øvre. Han hadde fått gifta si der, og jord med kona, men han åtte 7½ ksk i Midstu i 1624, det same som Dorte, og han kom tilbake til Midstu som brukar kring 1628. Etter han kom sonen Torbjørn som heitte etter morfaren på Møretro. Denne Torbjørn selde Øvre Møretro i 1630 til Christen Hjort. Og same vegen fór mykje av jordegodset i Midstu. I 1643 er det bare Nils (Aanonsen) som er sjøleigar. Han sit då med 15 ksk i garden. I 1645 er på Midstu: Nils og hans quinde, en pige Aase. Torbjørn og hans quinde og en pige Thøri. Landskatten 1647 syner at Nils framleis eig 1 hud 3 ksk og han leiger av arvingane etter Christen Hjort 7½ ksk. Torbjørn (Bjørnsen) leiger 2 huder 1½ ksk av Hjort-arvingane.

På denne tid dør Nils Aanonsen. Frå 1648 er sonen Leidulv — eller Leulff som futen skreiv — nemnt for første gong. Det blei ætt etter han som etter hvert kom til å sitte med heile Midstu. «Leull» Nilsen var 48 år i 1664.

I 1650-åra er det tri brukarar, det ser me av kvegskatten 1657. Det var Leidulv som

skatta mest, 3 ort 4 sk. Hans søskenbarn Torbjørn (Bjørnsen) 1 ort 22 sk, og Aanon (Rasmussen) 1 ort. I 1661 eig Leidulv 1 hud 4 ksk i garden, Torbjørn 1 ksk og Aanon 4½ ksk.

I 1668 blir skyldet sett ned til 3 huder, men av dette eig Midstufolket bare ¼, Torbjørn 1 ksk og arvingane etter Leidulv 5 ksk. Brukarar er Torbjørn 1 hud 1½ ksk, enka Astri 1½ hud og enka Kirsten 4½ ksk. Av det som tidligare er nemnt må Astri vere enke etter Nils, Kirsten etter Aanon.

Astri, som me veit måtte vere dotter til Bjørn Dolholt, var nok ei dugande kjerring på garden, for i 1674 sit ho med det odelsgodset Nils hadde hatt, 5 gsk eller 1 hud 3 ksk. Torbjørn har 1½ ksk, medan resten framleis er på utanbygds hender. Helle og Gunild Bøilestad sit med 1 hud til brukelig pant, Knud Skotta (Knud Schotten i fjerde sogn) eig 1 gsk og Ommund Steine (Obmoond Steene) 1½ gsk. Dette blir tilsaman 3 huder.

Det må vere omlag på denne tid at Torbjørn Bjørnsen sel sin part i Midstu med åsætesrett til Tingstveit-folka på Lunden. Kirsten og sonen Rasmus som var 9 år i 1664, høyrer me heller ikkje meir til. Det blir sønene til Leidulv og Astri som kjem til å overta det meste av jordegodset i garden. Nils Leidulvsen brukar halve garden 1½ hud i 1701, Bergitte Christoffersdtr som var enke etter Aanon Leidulvsen, bror til Nils, brukar 1 hud og Auen Telleivsen Lunden 6 ksk, men han bur ikkje på garden. Nils Leidulvsen hadde i 1699 fått kjøp på 1 hud 1½ ksk i garden. Det var Torkel Johansen på Store Løddesøl i Ø. som selde dette godset med samtykke av kona si Allov Audunsdtr, for 90 rd. Allaug hadde arva dette godset, heiter det. Nils sit som eigar av garden 1½ hud ved matr 1706. Broren Aanon, som det var sk etter i 1701, åtte då 8 ksk. Enka Bergitte Christoffersdtr brukte 11 ksk i 1706, Auen (Øfuen!) Telleivsen øvre Lunden 7 ksk.

#### *Eit sentrum i bygda.*

Med Jon Nilsen Midstu som var f ca. 1681, fekk ætta ei drivande kraft. Sjøl ætta han frå dei gjævaste ætter i bygda. Farmora Astri Bjørnsdtr var frå Dolholt og det var trulig og mora Mari Jonsdtr. Og sjøl gifte han seg 27 år gl med Gunhild Aslaksdtr Imenes. Dei var jordglade og visste å samla i hop medel dei gamle i desse ættene. Jon samla seg og rikdom og gjorde Midstu til noe av eit sentrum i bygda. Gjennom eit halvt hundre år — han døde i 1770 — 89 år gl, møter me namnet hans. Han er med som skyns- og lagrettemann, han kjøper og sel gardar og gardpartar. Og han låner ut pengar, til og med til embetsfolk. Men han var ein hard og sjølrådig mann, så hans eigen son som sat på Einertrø måtte sende klage til skrivaren for å få faren til å skifte etter at Gunhild Aslaksdtr var død i 1736. Først 3 år etter blir skiftet halde.

Ved skiftet møter Knud som er 30 år, gift og bur på Einertrø, Aslak som er 27 år og heime på Midstu. Og Anne som er 29 år og gm Aanund Toreson Torp. Skiftet syner ein brutto på 1028 rd, netto 1014 rd. I dette er då medrekna 1½ hud i Midstu for 180 rd. Jon hadde såleis på dei år han hadde dreve på Midstu samla seg medel som var omlag 6 gonger større enn verdet av halve Midstu som han sat med. Forutan jorda i Midstu hadde han 6½ ksk i Imenes og Resvig, arv med kona, 5 ksk i Hundland og 5 ksk i Øvre Østerhus.

Reede penge og guld blev ei angiven at være stervboen tilhørende, heiter det, men at ikkje ein slik mann skulle ha noen dalar på kistebotnen, høyrer litt rart ut. Han hadde pengar tilgode av desse: Nils Pedersen Jaavold 150 rd, Jørgen Aanundsen Tierrevold paa Tromøen (søskenbarn) 65-3-12, Anders Hansen Udjus d.e. 60, Engel Grøslø 35, Tønnes Hardeberg 13, Hans Taralsen Frivold 10 og capitain

Provisch 11, tils. 344-3-12. For det siste hadde han til pant fleire smykke. Han hadde vidare tilgode 30 rd av capitain Juel, men desse ville han ikkje føre opp! Han tilbyr seg i staden å betale den gjeld han har og dessutan 20 rd til sonen Aslak for arbeid heime. Etter den netto det blir ført opp, betalar han au for å få skiftet skreve. Det kosta 18 rd. «Salario» var vel 10 rd, medan lensmannen måtte nøgje seg med 1½ rd og «de tvende mænd» 2 ort 16 sk. At Jon var ein rik mann viste seg ikkje minst ved dette at han hadde sølv for 81½ rd. Me kan elles nemne frå skiftet:

*Kaabber:* en ny kjel paa 3½ quartes rumb for 10 rd, en mindre ditto 3 qv. 10 rd, 1 gl. 5 rd. Det var og en del andre kábber og messingsaker.

*Tinn:* m. a. 14 fat og 17 tallerkar. *Jern:* 1 jernkakel-ovn opsat i stuen 6 rd, ½ i en udeqvern 3 rd. *Træbo-skab:* m. a. 1 grøn mahled beslagen furrekiste med dob. laas og haandgreber 4 rd, 1 mindre 3 rd. *Sengeklæde:* m. a. 2 dyner til 5 rd pr. stk., men elles ikkje så mykje. Etter måten lite av linklæde. *Sæleredskab:* 1 mand sal 3 rd, 1 qvindesal 3 rd.

*Den sal. qvindes gangklæde:* 1 røed sarges skiørt 2 rd, 1 grønt stametes 1-2-0, 1 røed boies 1-1-0, 1 sort sarges 1 rd, 1 røed boies 0-2-2, 1 sort klædes troie 3 ort, 1 dito 2, og 1 blaa dito 3 ort. Vidare er det 1 gulblommed snørliv med 26 sølvmaljer og 1 gl callemanqes dito verdsett for 2 rd.

*Krettur:* 1 gulblakk hest 8 rd, 6 kyr, 1 tjor, 1 «soesvin», 1 gris på Østerhus + 3 andre griser.

Av bøker var det bare ein bibel og ein huspostil.

Då Jon Midstu gifte seg oppatt noen år etter, hadde han som «troloverer» Arnt von Kampen på Landvig og lensmann Anders Aslaksen Imenes. Han ville nok markere sin posisjon i bygda. Og han blei heller ikkje snau ved skiftet. I 1743 er han likna for 400 rd og dette galdt ikkje fastegodset. Han var framleis ein av dei rikaste menn i bygda. Og han held som sagt fram med å kjøpe og selje gardpartar og han var sikkert borte i tømmerhandel og slo seg opp på dette. I 1746 ser me at han blir stemna av Anders Dedekam for kontraktbrot. Han skulle ha levert eiketømmer, men hadde ingen-

ting levert, heiter det. Jon møter ikkje i retten og saka blei utsett.

Jon sat med Midstu heilt til sin død i 1770. Sonen Aslak var flytta til Lunden der han hadde fått seg ei gardjente. Sonesonen Ole var komen frå Einertrø og hjalp Jon med garden. Ole får 50 rd for 8 års tenestløn ved skiftet. Buskapen på garden var omlag som i 1739: 1 hest, 5 kyr, 1 tjor, 1 gjeldstut, 3 «souer», 3 geiter, 1 svin.


#### *Eit kastebyte med Einertrø.*

Etter at farfaren var død, overtar nok Ole Knudsen på Midstu. I 1774 løyser han 4½ ksk som Siri Terkelsdtr, enka etter Jon sat med, for 72 rd. Same året får han kjøp på vel 9 ksk som farbroren, Aslak Jonsen Lunden, sat med, for 21 rd pr. ksk. Men det blir nok sjau om eigedomsretten til garden. Ole var ikkje den eldste av sønene til Knud, det var Nils Knudsen Einertrø, som døde same året som faren. Han hadde bare ein son som levde opp, Lars, som var f 1761. Då Lars er blitt vaksen — han vaks opp på Midstu, for også mor hans var død — ville han nok ha Midstu som han hadde odels- og åsætesrett til. Men i 1784 blir han forlikt med sin farbror. Lars skal få Einertrø som og er på 1½ hud og dessutan 150 rd i mellomlag. Det var Ole som då sat som eigar av Einertrø.

Ole Knudsen var gm Margrete Olsdtr Hesthagen. Dei hadde 1 son og 3 døtre som levde opp. Ole d i 1800 — 56 år gl., Margrete i 1802 — bare 45 år.

Ole Knudsen sat med halve Midstu 1½ hud som han brukte i 1792. I 1797 kjøpte han 6 ksk i det andre bruket og sat ved sin død med 2 huder i garden som ved sk same året blei verdsett til 720 rd. Han var elles ein velhalden mann og hadde tilgode 220 rd av Christoffer Kiddelsen Mørettrø, 100 rd av Aanon Larsen Lunden og 200 rd av Gunder Aanonsen





*Snøhommer Midstu og Møretø.*

Torp. Lausøyre blir sett i 226½ rd, men det er ikkje slike mengder av sølv som ved sk på garden 60 år tidligare. Der er 1 steinkrus med sølvslåg verdsett for 8 rd og noen sølvskeier. Den store sølvkanna som farfaren hadde og som vog over 1 kilo, verdsett for 47 rd, er ikkje lenger på garden. Det er utanom kruset noen sølvskeier og sølvknappar, men ingen staup. Dei har 6 kyr på garden og 1 blakk hest, verdsett til 20 rd. Ein 1½ skp kakelomn 8½ rd, 1 kobberkjel 8 rd, 1 dragkiste av eik med messingbeslag 6 rd. Etter at det er gått frå skattar og skiftekostnad med 40 rd, er det 1438½ rd til deling. Brorlotten blir på 575 rd, søsterlotten det halve.

*Bnr 4 etter 1800 (lnr 87).*

Då mora Margrete Olsdtr døde i 1802, var sonen Knud bare 12 år, men alt i 1804 ser me at han løyser inn 4⅔ ksk i garden frå sin svoger Jens Osmundsen Østerhus for 168 rd, men det var nok ved verge. Me veit ikkje hvem som styrte med garden i desse år. Knud gifte seg 20 år gl. i 1810 med Ane Jonsdtr Nærebø. Og han overtok nok då garden til bruk. Han sat med ⅔ av Midstu, 2 huder etter gl. skyld. I 1852 — Knud er då 62 år og har sete som brukar på Midstu i over 40 år — blir det tinglyst «deklaration av Knud Olsen Midstue, hvorefter han som odelsmand og eier av 2 huder eller 7 daler 3 ort lno 87 i

d.g. paa grund av at dette brug er av en saadan størrelse og beskaffenhet at flere familier sig derpaa kunne ernære, — har bestemt at samme efter hans død skal deles i 2de lige dele mellem de da nærmeste odelsberettigede.»

Så går det noen år. Men i 1861 blir det tinglest skj frå Knud Olsen Midstu «til hans tvende ældste sønner Ole Knudsen Nærebø og John Knudsen Udjus paa sælgerens eiede brug i d.g. . . . for 3000 spd». Han set ei rekke vilkår og held seg unna rett til å bruke 6 ksk og halvparten av husa så lenge han lever og han skal ha «anstændigt ophold . . . ligesom ret til, hvis han ikke finder sig tilfreds med fledføringen, eller maatte ønske forandring i sin stilling, at erholde tilbageskjødet 6 ksk uden nogen som helst erstatning for sit ophold eller anden betaling, hvilke 6 ksk han for opfyldelsen av kontrakten har forbeholdt sig enyderligere sikkerhed fremfor enhver senere hæftelse», heiter det til slutt.

Året etter, i 1862, er det skyldsetningsforretning og garden blir då delt. Hvert av bruka får eit skyld på 3 dalar 4 ort. Ole skal ha husa . . . der er skjønnede værd 800 spd, hvorav den halve del betales ved farens død. Ole fekk lnr 87 a, John lnr 87 b (Snøhommer). I 1864 slår så Ole Knudsen saman lnr 87 a med lnr 95 a av gl. skyld 3 ksk. Dette må vere gått ut frå Lunden. Knud hadde i 1849 kjøpt 9 ksk av Knud Gundersen for 500 spd. Han delte dette godset i 1856 mellom sine 3 søner, Ole, John og Matias, og dei fekk 3 ksk hver, og betalte i alt 800 spd. Matias som gifte seg til Østerhus, slo sine 3 ksk i Lunden saman med denne garden.

Ole Knudsens bruk hadde med matr 1867 i alt 57 mål dyrka jord og 7 mål naturlig eng (god myrmark). Han er nok ikkje flytta til garden for han er då nemnt Ole Knudsen Nærebø. I bygda gjekk han under namnet «rige Ola». Ole Knudsen skj i 1874 over bru-

ket sitt i Midstu til sonen Aanon for 2400 spd. Same året dør Knud Olsen, 84 år gl. Aanon hadde i 1864 vigd med Matilde Larsdtr Hesthagen og dei bur på Midstu i 1875. I 1904 selde Aanon frå bnr 7 Sandkjær av skyld 10 øre som Ole Salomonsen fekk for 350 kr. Etter Aanon er det ikkje tinglyst eigarskifte før i 1941. Då blir tinglyst at Martinius og Lars Midstu som arvingar etter Aanon Olsen har heimel til denne eidedomen. Lars får skj av broren Martinius for 30 000 kr. Same dag skj Lars garden over til sonen Aanund Midstu for 28 100 kr. på nærare fastsette vilkår.

Lars hadde i 1932 seld frå bnr 9 av skyld 3 øre for 250 kr. Jørgen Håbestad som var kjøpar, sette opp sag på denne tomta.

Bnr 4 som bruket fekk i den nye matrikelen, har skyld mk 9.28, har 63 dekar dyrka mark og 450 dekar produktiv skog. Sætehus i 2 høgder ombygd 1882 på den staden det står nå, etter utskiftinga. Det stod før nær Ellen Torps hus mot Østerhus.

#### *Eigar- og brukarrekkje gjennom 360 år.*

1. Aanon på Midstu — til 1610
2. Nils Aanonsen 1610—ca. 1647
3. Leidulv Nilsen 1647—ca. 1667
4. Astri Bjørnsdotter 1677—ca. 1678
5. Nils Leidulvsen 1678—1708
6. Jon Nilsen 1708—1770
7. Ole Knudsen 1770—1800
8. Margrethe Olsdtr 1800—1802
9. Knud Olsen 1802(1810)—1861

Garden delt i 2.

#### *Bnr 4.*

10. Ole Knudsen 1861—1874
11. Aanon Olsen 1874—
12. Lars Aanonsen —1941
13. Aanen Midstu 1941—

#### *Bnr 5 — Snøhommer.*

John Knudsen fekk denne eidedomen som var på 1 hud gl. skyld ved deling av farens

bruk i 1862. John var gm Trine Olsdtr Dokkedal, enke etter Klemet Andersen Udjus og budde på Udjus. Han bygde på Snøhommer og overdro bruket i Udjus i 1869 til Anders Klemetsen. I 1875 budde John og kona på Snøhommer. Dei hadde ikkje born, men hadde som «opfostringsbarn» dotterdøtrene til Trine, Trine og Josefine Svenningsen f i Eide, og søstersønene til John, Karl og Matias Kristiansen. John hadde då 2 hestar, 5 kyr, 2 ungdyr, 7 sauer og 1 gris. Utsåden var 1 tn kveite, 1 tn rug,  $\frac{5}{8}$  tn bygg, 3 tn havre, 10 skålp. grasfræ og sette 5 tn poteter.

John, som var f 1819 d 1876. Trine d i 1883. Garden gjekk over til Margrete Matiasdtr Østerhus, brordotter til John, men dette er ikkje tinglyst. Margrete hadde også bnr 3 Østerhus. Begge eidedomane blei i 1903 seld til Aslak G. Heldal frå Froland for 29 600 kr. I 1907 kjøpte Aslak til bnr 1 Midstu for 5500 kr. Same året selde han til sønene sine. Nils fekk Østerhus for 18 000 kr. Det same gav Tor for dei to bruk i Midstu.

Tor Heldal selde i 1918 frå parsellen Sandkjær bnr 8 av skyld 25 øre som Ole Salomonsen fekk for 1400 kr. I 1946 fråseld bnr 11 Baanekjennstykket av skyld 8 øre, og frå bnr 1 Lillestykket av skyld 4 øre. Karl Johannesen fekk desse to stykke for 900 kr. Bnr 5 har skyld mk 7.53, bnr 1 mk 3.05.

Bruket har 62 dekar dyrka mark og 700 dekar produktiv skog. Sætehus i 2 høgder bygd 1850, nytt uthus 1916.

#### *Christoffer-bruket.*

Me har tidligare fylgt hovedbruken på Midstu som gjekk i arv i eldste-son-lina. Nå skal me gå tilbake til slutten av 1600-talet. Då sat Aanon Leidulvsen på det andre bruket. Han var gm Birgitte Christoffersdtr og med henne kjem Kristoffer-namnet inn på Midstu. For å skilje ut det bruket denne yngreson-lina sat

med, kallar me det derfor Christoffer-bruket, for namna Christoffer og Aanon finn me der fram til 1900 då skipsfører Christoffer Aanonsen som var busett i Mandal, delte garden med sin bror Kristen Møretro som fekk husa på garden. Christoffer selde så sin huslause part bnr 1 i 1907 til Aslak Heldal som tidligare hadde kjøpt Snøhommer bnr 5. Det gamle bruket fekk bnr 6. Kristen sat med dette bruket til sin død, deretter frå 1919 enka hans Johanne Møretro.

Aanon Leidulvsen sat med bruket til sin død i 1700. I 1701 brukte som nemnt enka Birgitte Christoffersdtr 1 hud. Ved sk same år hadde dei 3 kyr, 2 stutar, 4 geiter og hest. Netto lausøyre var bare 8 rd, brt 45. Men så åtte Aanon 8 ksk i garden. Det var 2 søner og 4 døtre å dele til. Birgitte brukar seinare 11 ksk i garden. Ho gav opp sitt bu i 1731 og sat då i stor gjeld. Sonen Christoffer som var f 1697, er brukar av 11 ksk i 1723 og hadde trulig overtatt garden noe før. Søster hans, Ingeborg — eller Ingeborre som presten skreiv — vigde i 1717 med Peter Christiansen Torup som var degn i Tveit. I 1748 ser me at Aanon Pedersen Midstu vigjer med Torbor Osmundsdr Jovold. Denne Aanon må trulig ha vore son til Ingeborg og Peter Torup. Han blei stamfar til Petersen-folket på Jaavoll.

Christoffer Aanonsen vigde i 1729 med Svane Auensdr Lunden. I 1737 får Christoffer kjøp på 10 ksk i garden saman med Søren Svendsen Lunden og Jon Jonsen. Seljar var Johannes Øvensen. I 1739 gjer Christoffer kontrakt med dei andre om at han skal ha 6 ksk og løysingsrett til 1 ksk. Bror til Christoffer, Jørgen Aanonsen, kom til Gjervoll på Tromøy. I 1744 sel han og søstera Ingeborg som då var enke, saman med søstera Elen  $3\frac{1}{4}$  ksk i garden til Christoffer for 54 rd. Endelig kjøper han i 1762 av Søren Svendsen Lunden m. fl. « $5\frac{1}{2}$  ksk i d.g. med underliggende Fladen for 140

rd, og naar samme tillægges hans egen eiendel bliver hans fulde brug i d.g. 1½ hud». Frå 1762 sit altså Midstu-folket med heile garden. Jon Nilsen sat då med den andre halvparten av garden. Då Svanaug dør i 1770 gir Christoffer over garden til sonen Aanon f 1731. Christoffer sat ikkje på langt nær så godt i det som sin mektige slektning Jon Nilsen. Ved sk har han lausøyre for 128 rd, men gjelda er 248 rd. Han er m. a. skyldig Søren Svendsen Lunden 142 rd, 36 rd til Frolands Verk, 33 til Søren Dedekam i Arendal og 12 rd til Auen Ellingsen Lunden. Til å dekke gjelda går med 6 ksk verdsett for 120 rd. Det er då att 1 hud. For follaugget skal Aanon ha 3 ksk og dei klæde som det måtte vere etter faren. Buskapen på garden var då: 1 hest (18 rd), 3 kyr, 1 stut, 3 sauer med 3 lam, 6 geiter med 2 kje. Kupris 6 rd. Frolands Verk får for si gjeld ei mengd innbu og reidskap + ¼ i «Rossedalens priviligieret saug» for 25 rd.

Aanon Christoffersen vigde i 1775 med Ingeborg Larsdtr Vatnestrand. Ho d i 1784 — bare 34 år gl. Aanon d i 1797. Han sat nok heller hardt i det for garden går til auksjon. Ole Knudsen kjøper 6 ksk for 290½ rd og desse 6 ksk blir så slått saman med hans bruk som blir på 2 huder. Dei andre kjøparane var Gunder Aanonsen Torp og Aanon Larsen Lunden som fekk 6 ksk hver.

Christoffer Aanonsen var bare 17 år då faren døde. I 1800 sel han ved verge Lars Nilsen Einertrø odelsløysings- og åsætesretten til 6 ksk i garden til Ole Knudsen Midstu for 125 rd. Christoffer Aanonsen vigde i 1809 med Gunhild Olsdtr Lunden. Ho døde alt i 1811. Same året får Christoffer kjøp på 6 ksk i garden av Anders Halvorsen Beisland for 750 rd. Dette jordegodset hadde Aanon Larsen Lunden kjøpt i 1797 for 310 rd og det hadde sidan vore på fleir hender. Anders kjøpte i 1807

for 500 rd. I 1805 hadde Christoffer fått kjøpt dei 6 ksk av Gunder Aanonsen Torp, for det same som han gav, 310 rd. Christoffer må elles ha samla seg pengar for i 1806 ser me at han får dom på Gunder Knudsen Østerhus for 200 rd som han hadde til gode. I 1813 gifte han seg med ei enke på Frivold og flytta dit. Ved sk etter kona i 1815 blir 1 hud i Midstu sett i 2000 rbd, jorda i Frivoll i 400. Nettoen blir 2392 rbd. Han hadde 3 kyr på Midstu og høgste kuprisen var nå komen opp i 50 rbd. På Frivoll har han 2 kyr, noen sauer og ein hjalk på 10 år som blir sett i 80 rbd. På Frivoll er det også noe sølv, m. a. eit staup frå 1745 og eit «hodevandsæg» (8 rbd). Det var nok svogeren hans Christian (Christen) Larsen Lunden gm Susanne Aanonsdtr som brukte Midstu i denne tid. Dei kom sidan til Torjushaven som dei feste av Christoffer Aanonsen Frivoll i 1833. Torjushaven blei utskild som eige bruk i 1850.

Christoffer d på Frivoll 1844. Midstu blei då utlagd til sonen Aanon for 900 spd. Knud Gundersen (Torp) pakta garden frå 1830 for 32 spd året. Leiga blir sett opp til 33-1-16 i 1836. Aanon Christoffersen Frivold gifte seg 23 år gl. i 1844 med Kristiane Christensdtr Nærebo og flytta til Midstu.

Aanon selde i frå eit stykke i 1861, det seinare bnr 2 Midstu av skyld mk 0.63. Kjøpar var Peter Christensen Østerhus og det fylgde med då han i 1906 selde garden til Gulloug Jomaas. Jens Jomaas har bnr 2 nå. Det fråskilde stykke var på omlag 1 ksk etter gl. skyld. Torjushaven som blei fråseld i 1850 var på  $\frac{6}{19}$  ksk.

Garden gjekk til auksjon i 1880. Christoffer Aanonsen fekk auksjonsskj i 1881 for vel 3000 kr. I 1900 blei garden delt i 2 mellom brørne Kristoffer og Kristen Aanonsen (Møretrø) som tidligare nemnt. Aslak Heldal kjøpte bnr 1

av Kristoffer for 5500 kr. i 1907 og denne parten av garden, som var utan hus, gjekk ut av ætta.

#### Bnr 6.

Kristen Aanonsen (Møretro) fekk skj av broren på bnr 6 i 1903 for 4000 kr. Garden var delt i 1900 og Kristen fekk dei gamle hus på garden. I 1908 skj han garden over til borna August, Aanon Kristian og Johanne Katrine for 5500 kr. Garden gjekk til auksjon og i 1911 får Kristen auksjonsskj for 3500 kr. I 1919 fekk Gesine Johanne Møretro, enke etter Kristen, uskiftebevilling og sat så med egedomen som har skyld mk 3.19. Bruket har 18 dekar dyrka mark og 200 dekar prod. skog. Sætehus i 2 høgder bygd 1877, uthus 1925.

#### Bnr 3 Sandkjær.

Frå bnr 1 blei det i 1878 utskild eit lite stykke med skyld 4 sk. Anders Torjusen kjøpte dette for 160 kr. Det blei slått saman med gnr 30 bnr 10 Møretro av skyld 1 sk og blei bnr. 3 Midstu av skyld 8 øre. Anders selde til Ole Olsen for 640 kr. Signe, enke e. Ole, selde i 1901 til Ole Salomonsen Udjus for 1700 kr. Bruket har 16 dekar dyrka mark. Sætehus i 1½ høgde bygd 1850. Eigar Anna Sandkjær f 85, foreldre Anders og Aaselle Beisland.

#### Jord og skog.

Matr 1668: Saar 6 tn, før 18 naut, 2 hestar, 24 «smaler». Skauff til smaalast. 1723: Utsåd 7 tn. Kan fø 2 hestar, 16 naut, 17 geiter og 11 sauer. Maadelig skov til smaa egelast. ½ flomqvern til eget behov. Lætvindt. 1792: Utsåd 3 tn rug, avling 8 tn, bygg 7 tn — 40, poteter ¼ tn — 2. 1875: Utsåd 13½ tn (2½ tn kveite, 2¾ tn rug, ¾ tn bygg, 7½ tn havre). Dessutan 22 tn poteter. Kretturhald: 4 hestar, 14 kyr, 4 ungdyr, 17 sauer og 2 griser.

Skogen reknar dei i 1867 kan gje for vel 72 rd netto til året.

Ole Knudsen Midstu og Aanon Christoffersen var i 1790 eigarar av Torp priv. sag saman med Gunder

Aanonsen Torp. Dei søkte då om å få overtøre skur av 500 bord til Lunden «bygdesaug». Grunnen til dette er at dei ikkje greier å skjere så mykje som 1000 «udskibningsbord» på Torp sag som dei har privileg på.

#### PLASSAR

Midstu var frå gamalt medeigar i Fladen. Plassar er elles ikkje nemnt under garden før ut på 1800-talet. I 1801 er under Midstu nemnt Baar Jonsen og kona Ane Berulsdtr. Baar var husmann med jord. Dei budde på Bærholmen. Dei hadde ein son John som då var 3 år.

I 1833 festa Christoffer Aanonsen Frivoll plassen Torjushaven til sin svoger Christen Larsen. Han er kalla Christian Larsen Lunden då han i 1815 vigde med Susanna Aanonsdtr Midstu. Same året feste Christoffer til halvbroren Aanon Aanonsen plassen Høyberg. Årlig avgift 2-2-12 for hver plass.

Lars Christensen *Torjushaven* fekk i 1850 kjøpt eit stykke av Midstu av sitt søskenbarn Aanon Christoffersen. Sjå under Møretro. Christen Larsen fekk i 1836 lån mot pant i hus i Torjushaven.

*Høyberg.* Aanon Aanonsen var g. m. Anne Kittelsdtr Linaasen frå Fjære. Ane d på Høyberg i 1863. Den siste som er nemnt der er sonen Kittel Aanonsen Høyberg då han gifte seg i 1864. Plassen blei då trulig nedlagt. Det er ikkje folk der i 1875. Aanon d på Midstu 1870.

*Svinneviga* var plass under Aanon Kristoffersens bruk i 1875. Der budde Ole Nilsen, husmann med jord, hustømmermann og «skovarbeider». Han var f i Birkenes i 1816. Kona var Rebekka Osmundsdr f i V. Moland 1828. Der var sonen Nils f 1860. Nils d på Landvik gamleheim der han var i sin alderdom. Ole og Rebekka hadde og døtrene Helene Amalie f i Landvik 1862 og Olivia f 1868. Rebekka døde 1898.

Martinius Nærebø har fortalt om Ola at han

var frå Grindalen.<sup>2</sup> Sjå Møretro. I Svinneviga hadde dei i 1875 bare 2 sauer. Dei sådde ein notting kveite og sette 1¼ tn poteter. Plassen er nedlagt. Går under namnet Gamleplass.

\*

Det er også nemnt noen andre husmenn under Midstu. I 1825 Mads Aanonsen og Birthe Ankjelsdtr. Ein son Aanon 1828. Birthe d i 1834. Sidan høyrer me ikkje meir gjete Mads.

I 1850 har hmd. Johannes Aanonsen Midstu og Anne Nilsdtr ei dotter Osine til dåpen.

Torjus Andersen Midstueie er nemnt med kona Ingeborg Marie Salvesdtr i 1851. Son Salve, 1858 dotter Josephine Marie.

Anders Torjusen fekk kjøp på det seinare bnr. 3. Han var f i Fjære 1844. Han var son til Torjus Andersen som her er nemnt. Anders Torjusen var malar og snekker.

Torjus Andersen kom til Myra under Møretro, død 1881. Ingeborg død 1876.

#### MERKNADER

1. Sjå Midstu-ætta.
2. Mart. Nærebø har skreve dette: Svinnevika var plass under Møretro. Der bodde Ola Nilsen Grindalen, gift med Rebekka. Barn: Nils som bor på Gamleheimen, Amalie og Olivia, søn Osval skomaker bor på Neset. Ola blei jagt fra plassen av eierne og fik en husetomt av naboen. Han bygde hus der. Han var en flink arbeidsmann.

Då første landnåmsmannen kom til Redal og tok til å rydde seg gard der, var det nok på sletta midt i bygda han slo seg ned. Derfor må me rekne Torp som den opphavlig sentrale garden. Når så farande folk kom over re-et frå Landvig — den eldgamle ferdseisvegen gjekk over Ringskleiv og vidare vestover etter Stisvegen — og såg den samling av hus som var vakse opp der i Redalen, så tala dei nok om torpet. Og Torp blei garden heitande.<sup>1</sup> Etter den eldgamle vegen ferdast kongane på Agder for over 1000 år sidan og Torp blei ein av kongens veitslegardar. Då det gamle kongeriket gjekk under ved rikssamlinga, blei veitslebyrda avløyst av ein serskilt skatt. Så seint som i liste over landskatten 1647 finn me under Torp: Udschuld til kong. Maj.t. — 1 hud.<sup>2</sup> Det er også nemnt «udskyld» til presten 1 gsk.

Torp var fullgard — 4 huder — først på 1600-talet. Første mann me sikkert kjenner på garden er Børre Thorp som betalte landskatt 1610 som krone- og leiglendingsbonde. Han åtte då ikkje heile garden. Då han betalar knektskatt i 1611, er namnet skreve Byrge. Sidan er han ikkje nemnt. Men ætt etter han sat på Torp til 1833. Då dør siste mannen i ætta der, Aanon Gundersen Torp.<sup>3</sup> Han sat med halve garden 1 hud 9 ksk etter gamalt

skyld — skyldet blei sett ned til 3½ hud i 1668 — og enka selde garden til Kristian Jonassen Vatne.<sup>4</sup> Det er denne garden Audun Torp har nå. Noen år før — i 1818 — hadde Sivert Gundersen selt sin part av Torp til Ole Terkelsen Udjus.<sup>5</sup> Hans sonedotterson, Nils Torp, har dette bruket nå.

Det er grunn til å tru at far til Børge på Torp heitte Tore og han må ha ått garden eller det meste av garden. Det kan me slutte av odelsjordeboka 1624. Då finn me Oluff Toresen Udjus som eig 8½ ksk i Torp. Det same eig Torgius Gundulfsen og Siri Gundulsdtr i hop. Dei må vere borna til Gunnu Torp, som er nemnt som husmann i 1611, og han må, etter godset å dømme, vere bror til Børge og Oluff Toresøner. Det same gjeld Anders. I 1610 er nemnt Anders Torp som husmann, og i 1624 eig Kiedell og Annond Anderssoner og 8½ ksk. Me har og Peder Lauritsen Torp som «paa hans qvindes børns vegne» eig 8½ ksk. Me kan vel gå ut frå at han var gm enka etter Børge, då han på hennar vegne er eigar av mykje jordegods elles. Peder Torp er første gong nemnt i 1623. Han var vitne om odelsgods i Dolholt i 1624 og me har seglet hans, så han var nok lagrettemann.

Det er bare etter Børge me finn ætt på

Torp og elles i bygda. Etterkomarar etter Ola, Gunnulv og Anders kjenner me ikkje.

Tore Børresen Torp var eigar av 4½ ksk i 1624. På vegne av kona si hadde han 3 ksk i Landbø i A. Moland. Han var odels- og åsættesmann til Torp og løyser inn odelsgodset. I 1643 står han som eigar av heile Torp 4 huder. I 1642 ser me at han får ei bot på 2 mark sølv eller 3 dl. Det same fekk Anders Udjus og Olle Heldeland . . . for de den 1 augusti 1642 iche møtte i Neskiel med deris muschetter som de derom vare tilsagt, derfor enhver at bøde for ulydighed . . .

Om Tore var eigar av heile garden, så dreiv han ikkje aleine på Torp. Men han hadde nok det meste. Tore og hans quinde er på Torp i 1645. Dei hadde dreng og to tenestjenter, Osil og Anbør Tore betalar 3 ort 8 sk i koppskatt saman med Suanne og to søner Elluf og Joen. Og så Søren og hans quinde. Svane sat med strøgods 2 huder 3 gsk i 1643 og var trulig enke etter Peder Lauritsen. Det er vidare på garden Anders og hans quinde, og en anden quinde som betalar 1 ort i skatt.

I 1646 blir Torp pålagd skyssferdskatt, den einaste fullgarden i Landvik som får slik skatt. I 1657 betalar Tore Torp 2 dlr 3 ort 21 sk i kvegskatt, Svane 1 ort 18 sk, så ho brukte nok ikkje så mykje av garden. Tore åtte framleis heile garden og hadde også 1½ hud i Østerhus. I 1661 hadde han dessutan 1 hud i Engesland og 1 gsk i Breisaasen (Brøssaasen) i Vegusdal. Så han var nok ein mektig mann denne Tore, slik som farfaren etter det me har sett av jordegodset sønene sat med. I 1658 er mellom bondesøner nemnt Nils Thorresen Torp, men Tore sit aleine mann på Torp i 1664 og er då ein mann på 66 år. Nils er då trulig død. Me veit heller ikkje om andre søner. Han hadde to tenestgutar. 1666 er det Ola Arnesen — eller Oluff Arnildsen som dei skreiv i mt — som er åsittar. Han var son til Arne Børgesen

Havstad, som var bror til Tore Torp. Han var blitt lensmann i Landvik og står som eigar av halve Torp i 1668 og Olluf brukar dette. Enka Hellie (Stiansdtr) åtte og brukte den andre halvparten. Garden var nå sett ned i skyld til 3½ hud. Det blei Ola som overtok Torp. Helje flytta visst til Bøylestad, kanskje var ho derifrå. Me ser at Helle Bøylestad i 1674 sit med 10 ksk i Torp og Helle og Gunhild Bøylestad har samstundes 1 hud i Midstu til brukelig pant. I 1672 løyser Ola inn 3½ ksk i garden frå sin farbror Ole Børresen Vatnestrand. Faren, Arne Børgesen Havstad sat elles med jordegodset sitt lenge. I 1684 gjev han pantebrev på 3 gsk «udi Torp i Redahl beliggende» til sin dotterson Gjerul Aamundsen Tiore og same dag pantebrev på 3 gsk til dottersonen Niels Gierulsen Tiore. Ole Arnesen på Torp var gm Mari Aanonsdtr, faster til Nils Gjerulsen på Tjore og sat med noe jordegods både i Øvre og Nedre Tjore i 1674, men hadde bare 4½ ksk i Torp. Faren Arne Havstad hadde 1 hud 11 ksk og farbroren Berulv Kiland 4½ ksk.

Ole Arnesen er død før 1700 og noe skifte er ikkje funne. Frå desse år er ikkje skifteprotokollane fullstendige. I 1700 ser me at Kiddel Taraldsen Langeid i Froland med kona Alløf Knudsdtr har selt 1 ksk i Torp som kona har arva etter morsøster si, Hællie Stiansdtr, til Maren Aanonsdtr og son hennar Tore Olsen på Torp. Tore Olsen og mora kjøper samstundes 6¾ ksk av Aase Nilsdtr og Torkel Johansen på Store Løddesøl i Øyestad. Aase hadde arva etter mannen sin og Torkel etter svigerfar sin, heiter det. Same året kjøper dei av Ellen Arnesdtr som bur hos sonen sin Friedrich Hansen i Kolbjørnsvig 2⅛ ksk. Dette hadde Ellen, eller Øli som ho blir kalla ved sk på Havstad i 1714, arva etter far sin Arne Børgesen Havstad. Me ser såleis at dei har sjau med å samla ihop jordegodset som kom på så mange hender ved arveskifte den gongen. Gard-



partane var den tids pantobligasjonar, kan me seie. Gjerul Omundsen på Øvre Tjore make-skifter såleis i 1702  $2\frac{1}{8}$  ksk i Torp som han har arva etter mor si Anne Arnesdtr, mot at han får att  $2\frac{1}{8}$  ksk i Havstad av Auen Tellefsen Øvre Lunden som er gift med søster til Aamund Johansen Mjaavatten.

Tore Olsen Torp vigde i 1699 med Aase Gundersdtr. Ho var dotter til smeden Gunder Christensen på plassen Fladen som låg under Torp og dei andre gardane i «Grennen». Han var 36 år i 1701 og brukte då 2 huder 10 ksk i Torp. Resten, 8 ksk, brukte Auen Tellefsen Lunden som au hadde 6 ksk i Midstu då. I 1702 kjøpte Tore Torp  $4\frac{1}{2}$  ksk av Hans Arentsen von Kampen for 50 rd. Stedotter hans, Inger Christensdtr, har hatt dette som fedrearv, heiter det. I 1706 står Tore som brukar aleine av 2 huder 10 ksk og han er då «proprietarye besidder». Auen brukar framleis dei 8 ksk, men saman med sitt bruk i Øvre Lunden. I 1711 er det på Torp 7 personar (1 tenestjente). Mor til Tore, Mari Aanonsdtr, var der nok, for ho d i 1719. Ho vitnar i 1717 i ei odelssak på Dolholt og er då 70 år, men i 1719 er alderen oppgitt til 78 år! I 1723 ser me at Auen framleis er brukar av 8 ksk. Dei set opp eit brev i 1726 som stadfester at Tore har 2 huder 10 ksk og Auen 8 ksk i garden.

#### *Eit skifte frå 1734.*

I 1734 er det skifte etter Aase Gundersdtr. Tilstades ved skiftet er Tore og borna, sønene Aanon og Ola og døtrene Ingeborg, Barbra og Gundvor som alle er heime. Det var solid velstand på garden, det syner skiftet. Det var lausøyre for  $216\frac{1}{2}$  rd og ikkje gjeld. Går me etter kuverdet den gongen, måtte lausøyra kome opp i over 50 000 kr. i våre pengar. Og so atte Tore 2 huder 10 ksk i garden og dessutan part i Fladen og over 8 ksk i Havstad,

tilsaman vel 3 huder 7 ksk eller meir enn heile Torp.

Nedanfor skal me nemne litt frå skiftet.

*Sølv:* M. a. 1 gl høit støb med udpoklet arbeid 6 rd. Det var vidare 7 andre staup eller bæger verdsett frå  $2\frac{1}{2}$ —4 rd. Fleire skeier, m. a. 1 «med langt rundt skaft med bokstaver A B S 1651 og billed knap samt derunder bokstavar S O D. Dette arvestykket som hadde høyrd til lensmann Arne Børgesen, blei verdsett til  $1\frac{1}{2}$  rd. Der var skeier med halvfladt og rundt skaft og ei med firkantet kort skaft og kroneknap. Eit «sølvkiæde med forgylt broskie og 3de løv» blei verdsett til 3 rd. Der var også eit par snørekjeder, den lengste  $2\frac{1}{2}$  alen, verdsett for  $1\frac{1}{2}$  rd.

*Kobber:* 1 kjel vekt 30 pund 8 rd 3 ort, 1 på 18, 5-1-0.

*Tinn:* M. a. 17 tinnfat, 9 djupe og resten flate, 12 nye eng. tallerkar verdsett for 2 rd, dessutan 3 noe mindre og 27 gamle, 2 store lysestaker og 1 gl tinnkanne.

*Jern:* M. a. 1 jernvekt 1 rd, 1 udeqvern  $1\frac{1}{2}$ .

*Træfang:* 2 borde i stuen med krakke for, 3 malede skaaler, 1 vævredsk. 2 rd, 2 kister av eik, 3 furrekister.

*Riide- og kiøreredskab:* 1 mandfolksadel 1-1-0, 1 gl qvindf.sadel  $\frac{1}{2}$  rd, 1 gl bougsæle 1 ort, 1 arbeidssæle med bidsel og tømmer 0-1-8.

*Buskap:* 1 hest, 10 kyr, 6 kvier, 2 stutar, 2 tjorar, 2 kviekalvar, 10 «souer» og 8 geiter.

Som me ser var det stor buskap på garden. Ku- og kvienamn: Skjenrei, Spotrei, Skibrei, Fagrei, Natrei, Blomrei, Semprei, Julrei. Lunekoll, Brunkoll, Silkedokke, Lieros. Eine stuten som var kvitflekka heitte Flekkebonde, tjorane (oksane) heitte Blomsvend og Burmand.

#### *Ein ny generasjon overtar.*

Aanon Toresen Torp vigde i 1733 med Ane Jonsdtr, dotter til den rike og mektige Jon Nilsen Midstu. Broren Ole Toresen kom til Havstad. Søstrene blei alle gift i bygda, Ingeborg med Anders Olsen Udjus, Barbro med Hans Olsen Østerhus og Gunvor med Jon Toresen Morholt. I 1743 døde Tore Olsen Torp — 77 år gl. Han sat då med 1 hud 7 ksk i Torp, men Aanon hadde nok overtatt gardsbruket noe tidligere må me tru. Aanon løyser etter hvert inn jordegodset, m. a. kjøper han

vel 9 ksk i 1745 av svograne Anders Olsen Udjus og Tor Jonsen Morholt for 130½ rd. I 1753 løyser han inn vel 11 ksk for 15 rd pr. skinn. Aanon blei ingen gamal mann. Han var f i 1708 og det var sk etter han i 1756. Han hadde då 2 huder 10 ksk i Torp og dessutan part i Fladen og noe i Midstu og Hundland. Lausøyre for 160 rd brutto, netto 101 rd. Sønene Gunder, Tore og Jon og døtrene Aase, Gunnil og Gunvor var tilstades ved skiftet. Den eldste, Gunder, var 22 år. Han overtok Torp, Tore og Jon kom til Nærebø og søstrene blei alle gift i bygda.

Gunder — eller Gunnor som dei vel sa og som presten skreiv då han i 1762 vigde med Anne Jensdtr Helleland — fekk med henne bare ein son og ei dotter som levde opp. Gunder overtok trulig garden då han gifte seg. Anne Jensdtr døde i 1775 — 36 år gl. Ved skiftet etter henne eig Gunder bare 4<sup>1</sup>/<sub>9</sub> ksk i garden. Buskapan er heller ikkje på langt nær så stor som han var då farfaren sat med garden 40 år tidligare. Dei har 2 hestar, 6 kyr (a 4 rd), 3 kvier og 1 «thior». Det blir registrert lausøyre for 110 rd, men Gunnor seier at mora Anne Jonsdtr eig det meste. Dei finn ut at han eig for 44 rd, men han har ikkje gjeld, dei var trulig redd for gjeld dei gamle på Torp. I 1777 vigjer han oppatt med Todne Sivertsdtr (Retterstøl) og får 7 born med henne. I 1778 løyser han vel 2 huder 7 ksk i garden av alle medarvingar for 590 rd.

Gunder Aanonsen var nok ein drivande kar. I 1770 får han (og dei på Midstu) «kongl. allernaadigst bevilling til 1000 bords aarlig skjørsel paa en saug ved Roskjensbæk u.d.g. og Midstue», men dei hadde visst vanskelig for å skaffe nok tømmer for i 1790 søker dei om å få overført 500 bord av det privilegerte kvantum til Lunden «bygdesaug». Gunder og brørne lånte au ut pengar. I 1786 blir Jon Jonsen Hundland dømt til å betale 399 rd med

rente frå 1783 til brørne Gunder Aanonsen Torp, Thor og Jon Aanonsen Nærebø og svogeren Lars Andersen Indtjore.


Gunder brukar heile Torp i 1792 og sår då 2 tn rug med avling 7 tn og 7 tn bygg med avling 35 tn. Poteter som då var blitt vanlig over heile bygda, har han ikkje.

#### *Gunder deler garden.*

Me såg at Lunden-folk lenge sat med 8 ksk i Torp. I 1737 gjekk dette jordegodset over til Søren Svendsen og John Johnsen (Dolholt?). I 1762 sel John Johnsen Dolholt til Søren Svendsen Lunden 4 ksk i Torp med Fladen for 200 rd . . . og da i mod samme gjort protest af Gunder Aanonsen Torp, heiter det. Men i åra 1771—73 får Gunder og Thor Aanonsen kjøp på dette godset, 8 ksk, av Søren Svendsen Lunden og lensmann Jens Mikkelsen Gitmark for i alt 449 rd. Torp-folka blir dermed eigar av heile garden. I 1781 overdrar Gunder til broren Thor 4 ksk for 295 rd, men Thor må skrive under på at borna til Gunder skal ha odels- og løysingsrett til dette godset mot å betale kjøpesumen 295 rd.

I 1798 — Gunder er då 64 år gamal — fastsett han at hans odelsgoods i Torp 2 huder 10 ksk skal delast mellom sønene Aanon og Sivert «udi 2 lige aasæder saa at hver efter hans død faaer 1 hud 5 ksk.»

Eldste sonen Aanon f 1771 vigde i 1796 med Johanne Øvensdtr Lunden. I 1798, dagen etter at faren hadde fastsett at garden skulle delast kjøper han dei 8 ksk som farbroren Thore Nærebø sat med, for 300 rd. Og dagen etter får han skj av sin far på 1 hud 1 ksk for 350 rd. Aanon sat dermed med halve Torp. Han sat der i 1801 med kona og svigermor Anne Ellefsdtr og tenestgut og -jente. Faren, Gunder Aanonsen, gav ikkje frå seg den andre halvparten av garden. Gunder og Todne sit der i 1801. Heime er sønene Syvert og Knud og



Torp. Til h. gnr 31 bnr 3 Østerhus (Nils Heldal).

døtrene Guri og Johanne. Dei har 2 tenestjenter. Dessutan er i huset Terkel Nilsen, gevorben soldat 40 år.

Sivert får først i 1807 sin part av garden og må då betale 2500 rd. Sivert — eller Sjur som dei nok sa — var då 28 år.

#### Bnr. 1.

Det var det gamle hovedbruket Sivert fekk etter faren må me gå ut frå, og det fekk seinare bnr 1. Ogso Sivert fekk si gifte frå Lunden. Han vigde i 1809 med Ane Øvensdtr. I 1812 selde han 1 hud 3 ksk i Lunden for 1000 rd. Denne garden hadde han nok fått med kona si. Gunder Aanonsen døde i 1809, og i 1811

gifte Todne seg på ny og flytta til Lia. I 1810 er retten på Torp for å skilje og skyldsette 3 ksk eller  $\frac{1}{7}$  av Syvert Gundersens bruk som broren Aanon skal overta. Byta er nemnt i skog og heimemark og det er mange namn, men noe kjøp eller salg kan me ikkje sjå er tinglyst og dei to bruka står sidan likt i skyld. Syvert blei bare sittande som eigar av farsgarden i 11 år. For i 1818 sel han til Ole Terkelsen Udjus for 2300 spd og flytter til Austland. Bruket går ut av den gamle ætta.

Det var ein mann av Hesthagen-ætta som nå kom til Torp. Ole Terkelsen var nesteldste son til Terkel Olsen Udjus. Broren Øven kom til Hesthagen, ein bror, Anders, som var eldst

fekk seg ein gard i Lunden, og dei to yngste brørne delte farsgarden på Udjus noe seinare. Ole Terkelsen Torp, 40 år, eigar av 21 ksk i Torp, gjer i 1829 eid til grunnlova. I matr 1838 står han som eigar av lnr 88 av gl skyld 1 hud 9 ksk. Dei 3 ksk som blei utskild i 1810 er såleis ikkje med.

Ole Terkelsen var gm sitt søskenbarn Johanne Margrethe Olsdr Fillingtveit. Dei fekk 7 barn. Den eldste, Terkel, døde som ungar i 1880. Han overtok garden saman med broren Ole i 1876. Ole Terkelsen d i 1866 — 77 år gl, og Johanne Margrete sat så med garden til sønene overtok. Ein yngre son, Gunder, fekk seg gard på Imenes. Etter at Terkel var død, gjekk garden over til Ole som fekk skj i 1884 for 5400 kr.

Ole Olsen Torp — eller Ola Torp som han alltid blei kalla — var ein dugande og fram-synt mann, sterkt politisk interessert og førar for venstre-opposisjonen i bygda, men også ein jordnær mann med praktisk skyn og dugleik. Han sto i brodden for meieriet i Grimstad m. a. Og det var etter opptak av han at eit stort møte som Landvik, Fjære, Eide og V. Moland landbrukslag heldt på Vigmarken i 1893 kom med framlegg til amtstinget om å reise ein landbruksskole for fylket.<sup>7</sup>

Ole Olsen Torp var gm sitt søskenbarn Berte Terjesdr Udjus. Einaste sonen, Terkel, døde i ung alder. Etter at Ola Torp var død, sat Berte med garden. Ho selde Torp bnr 1 og bnr 6 Møretro i 1916 til Karl Nilsen Viken for 46 000 kr. Karl var gm dottera, Olivia Torp f 1879. Olivia sat med garden etter manden og skj i 1933 over til sonen Nils Torp for 36 000 kr.

I 1886 selde Ola Torp frå bnr 2 Sandkjær som blei sett til  $\frac{1}{15}$  av skyldet på garden, ny skyld mk 0.88. Kjøparen, Gunleif Larsen, betalte 2800 kr. for denne eignedomen.

I 1917 blei fråskild Storevold bnr 9 av skyld

mk 0.64 som Karl Nilsen selde til Ole Øster-vold i 1918 saman med bnr 19 Møretro for 2800 kr. Same år blei fråskild bnr 10 Hest-hagen av skyld mk 0.10 som Edvard Kittelsen fekk for 500 kr. Etter desse fråsal hadde bnr 1 skyld mk 11.61.

Nils Torp selde i 1936 frå bnr 13 Slettås av skyld mk 1.50 som Einar Lindland kjøpte for 7500 kr. Same år selde han frå bnr 15 Torsmyr sk 16 øre og Vesterheim bnr 17 av sk 20 øre, i 1943 bnr 18 Bratli sk 18 øre. 1953 Automatkiosken bnr 19 sk 5 øre og 1956 bnr 20 Midtun av skyld 5 øre, som var gave til Redal Forsamlingshus. Bnr 1 har då att skyld mk 9.47, har 100 dekar dyrka mark og 800 dekar produktiv skog. Sætehus i 2 høgder bygd 1850, modernisert 1938. Uthus 1904, ombygd 1946.

### Bnr 3.

Aanon Gundersen Torp kjøpte som nemnt 1 hud 1 ksk av faren Gunder Aanonsen i 1798 og samtidig 8 ksk av farbroren Thor Aanonsen Nærebø. Dette blei det seinare bnr 3 av gl skyld 1 hud 9 ksk. Aanon var gm Johanne Øvensdr Lunden, men dei hadde ikkje born. I 1817 gjer dei gjensidig testamente. Då Aanon døde i 1833 blei Johanne sittande med garden eit par år til ho i 1835 selde til Kristian Jonassen Vatne «1 hud 9 ksk i d.g. med huser og herligheder samt  $\frac{1}{4}$  deel i Thorps qværnehus og qværnested for 1600 spd». Med dette kom Vatne-ætta til Torp. Kristian Jonassen Vatne hadde gjennom si mors-slekt tilknytting til Landvik — mora var Kistine Aanonsdr Tjore — og han var gm sitt søsken-barn Maren Kistine Aanonsdr. Dei gifte seg året etter at han hadde kjøpt bruket i Torp. Etter at Maren Kistine var død, gifte han seg i 1854 med Gunhild Johanne Knudsdr Midstu. Ved sk i 1854 fekk Kristian utlagd garden for 1650 spd. Kristian døde i 1871 og sonen Jonas

f 1841 overtok i 1872 for 3700 spd. Han vigde i 1875 med Alida Margrete Larsdtr Hesthagen f 1853. Jonas d i 1881, bare 41 år gl, og Alida året etter. Borna som då var små, kom til Hesthagen og det blei nok Øven Hesthagen, bror til Alida, som kom til å styre for dei. Garden blei ved sk i 1883 utlagd til sonen Lars Jonassen. Han var f i 1878 og såleis då bare 5 år. I 1901 då han gifter seg med Gunda Christine Havstad er han brukar på Torp og han sit med garden. Morbroren, Øven Larsen Hesthagen, var på Torp som forpakter frå 1890. Han dreiv au landhandel der.<sup>8</sup> Gunda Havstad hadde fått bruket i Havstad som faren John Andersen hadde og dei busette seg der. I 1903 skj så Lars Jonassen Havstad over bruket i Torp til Øven Hesthagen for 15 000 kr. Lars Torp, son til Øven, overtok i 1928 for 33 800 kr.

Lars Torp var gm Ellen Knutsdtr Birkedal. Han overtok som ordførar etter sin svigerfar i 1929 og sat som ordførar til 1935. Han var au kasserar i Landvik Sparebank. Lars døde i 1939. Sidan sit Ellen med garden.

#### FRÅSKILDE BRUK OG PARSELLAR

Frå bnr 3 blei i 1850 frâseld bnr 4 til Zakarias Zakariassen Møretro, ny skyld 10 øre. Blei seld av arvingane etter Lars Kristensen Torjushaven i 1917 til Nils Abrahamsen saman med bnr 5 og 8 Møretro og bnr 2 Østerhus. I 1882 blei frâskild bnr 5 av skyld 2 øre.

Ved salget i 1903 skilde Lars Jonassen ut 3 skogstykker, Torjushavestykket, Rømyrstykket og Hagersmoenstykket som fekk bnr 6 med skyld mk 2.55. Frâ bnr 6 blei i 1907 frâskild husmannsplassen Hesthaven av sk 5 øre som Laurits Børresen kjøpte med beiterett for 1 ku for 450 kr. Kristoffer Seland kjøpte i 1936 for 3500 kr. Vidare blei i 1917 frâskild bnr 11 Østervold av sk 2 øre. I 1936 blei frâskild parsellen Myrvoll bnr 16 av sk 90 øre som Gunda Havstad året etter selde til Anders

Skjelsøy for 4800 kr. I 1948 selde ho så resten av bnr 6 av skyld mk 1.58 til dottera Karen Løland for 12 000 kr.

I 1903 blei og frâskild Asketro, eit utmarkstykke som fekk bnr 7 av skyld 35 øre. Lars Jonassen selde dette til Børre Ellefsen Lunden i 1904 for 800 kr. Jørgen Hobestad fekk bnr 7 i 1932 for 1800 kr.

Etter desse frâsal hadde bnr 3 skyld mk 10.33. I 1936 blei frâseld parsellen Torsmyr bnr 14 av skyld 10 øre. Bnr 1 har då skyld mk 10.23, har 68 dekar dyrka mark og 900 dekar produktiv skog. Sætehus i 2 høgder bygd 1890, ombygd 1925 og 1953. Det er forretningslokale i huset.

#### Bnr 2 Sandkjær.

Ola Torp selde i 1886 frå Sandkjær bnr 2 av skyld mk 0.88 for 2800 kr. I Sandkjær hadde tidligare vore plass. Der budde i 1849 Ole Kristian Olsen Sandkjær og Sille Nilsdtr. Sonen som au heitte Ole f 1849 vigde i 1878 med Signe Olsdtr Bakken frå Evje. Dei kom sidan til bnr 3 Midstu. Ole Kristian som var f 1817 d 1885. Ole selde i 1886 til Gunleif Larsen for 2800 kr. Gunleif var gm Marie Olsdtr. Ein son Ole 1890, dotter Teodine 93. Terje Larsen Aas fekk auksjonsskj 1892 for 2400 kr. Han selde i 1901 til Terje Jensen Skiftenes for same sumen. Terje var f på Øygarsmyra, Skiftenes<sup>9</sup> og der var mange søsken. Han bygde nye hus i Sandkjær 1924. Sonen Jens fekk skj på eigedomen i 1955 for 14 400 kr. Bruket har 15 dekar dyrka mark.

#### Bnr 5 Tangen.

Jonas Torp selde i 1882 frå eit lite stykke til Andreas Stien. Det fekk bnr 2 av skyld 2 øre. Karl og Olivia Torp selde i 1928 bnr 12 Tangen av skyld 1 øre. Andreas Aslaksen fekk same året også skj på bnr 5. Helene Møretro fekk eigedomen i 1934 for 3300 kr. Ho selde

i 1944 til Stian Torjusen frå Øyestad for 5000 kr. Eigedommen har 6 dekar dyrka mark. Sætehus bygd 1870, uthus 1905.

*Bnr 7 Osketrø.*

Lars Jonasen selde Osketrø i 1904 til Børre Ellefsen Lunden for 800 kr. Johanne Børresen fekk eigedommen i 1912 for 500 kr. Sagbruks-eigar Jørgen Håbestad kjøpte dette utmarkstykket av Tobias Thompsen i 1932 for 1800 kr. og bygde der. Osketrø har sk mk 0.35 og har 8 dekar dyrka mark.

*Bnr 8 Hesthaven*

var tidligare plass. Laurits Børresen kjøpte eigedommen i 1908 for 450 kr. med beiterett for 1 ku. Er gått ut frå bnr 6 som blei fråskild frå bnr 3 i 1903. Bruket har 6 dekar dyrka mark. Sætehus bygd 1910. Kristoffer Seland kjøpte i 1926 for 3500 kr. Eigiar nå er Olga Seland. Sjå Jåvoll.

*Bnr 13 Slettås.*

Nils Torp selde i 1936 frå eit større utmarkstykk til Einar Lindland frå Kristiansand og han gjekk i gang med å rydde seg gard. Bruket fekk namnet Slettås og var på 460 dekar. Blei seld for 7500 kr. Einar Lindland braut opp 60 dekar og bygde sætehus same året han hadde kjøpt stykket, uthus året etter, og fekk seg ein gild gard med 400 dekar produktiv skog til. Han selde i 1953 til Leif Vigre frå Nærbø for 55 000 kr. Slettås har sk mk 1.50.

*Bnr 15 Torsmyr*

var plass. Sjå under desse. Nybruket som er reist der er gått ut både frå Østerhus og Torp. Nils Torp selde i 1936 frå bnr 15 av skyld 16 øre. Same år selde Lars Torp frå bnr 14 av skyld 10 øre. Blei slått saman med bnr 6—7 Østerhus til bnr 15 av skyld mk 0.35. Karl K.

Torsmyr, f i Holla 1890, fekk eigedommen i 1936. Sætehus bygd 1927, uthus same år. Torsmyr har 24 dekar dyrka mark og Karl Torsmyr før 5 kyr der.

*Bnr 16 Myrvoll.*

Gunda Havstad selde denne eigedommen i 1937 til Anders Skjeldsøy frå Gjerstad som same år bygde der på eigedommen, som han betalte med 4800 kr. Han har dyrka opp 40 dekar og har ca. 150 dekar skog.

\*

Vesterheim bnr 17. Bileigar Ole Røynås kjøpte tomt av Nils Torp og bygde i 1937.

Midtun bnr 20 fekk Redal forsamlingshus som gave av Nils Torp i 1956. Forsamlingshuset er bygd 1920, påbygd 1954. Eigiar er Redal krets.

Redal skole er reist på tomt gått ut frå Torp er det opplyst, men ikkje noe er tinglyst.

*Utsåd, avling og buskap gjennom 200 år.*

	Utsåd tn	Avling tn	H	N	S	G
1668	7		2	22	30	
1723	8		2	17	14	2
1792	9	42				
1867	8½	43½	2	14	22	

Utsåden var 1867: 1¼ tn kveite, 1¼ tn rug, 2½. tn bygg og 3½ tn havre. Dessutan 8 tn poteter med oppgitt avling 60 tn.

I 1875 utsåd tils. 7⅞ tn + 12 tn poteter.

Det er i 1867 ikkje utslåtter til garden, men opplyst at Ole Terkelsen slår 2 skp høy på Torsmyr. Havnegang: For en stor del ubeqvem og ikke tilstrækkelig.

Dei bruk som høyrer under Torp har nå (1955) i alt 352 dekar dyrka mark mot 149 mål i 1867, så det dyrka areal er over tvi-dobla.

*Skogen.*

1661: Skoug til husbygning og brendefang, beretter at selge og kjøbe 3 eller 4 ty. aarlig. 1668: Skouff til ringe smaalast og husbehov. 1723: Maadelig god skov. 1 flomqvern til husbehov. Lætvindt. 1867: Skog til salg for netto 130 spd til året. 1955: 2300 dekar produktiv skog.

## PLASSAR

Det var fleire plassar under Torp. Den eldste plassen var Fladen som låg i sameige med Midstu, Møretro og Østerhus. Gunder Christensen som sat på Fladen er såleis nemnt som husmann under Østerhus i 1664. Sameiga her må vere eldgamal. Fladen har nå eige gardsnr.

Dei andre plassane under Torp blei nok først rydda på 1800-talet. Det var Hestehaven der det var 2 plassar og Torsmyr der det au ei tid var 2 plassar. Vidare Sandkjær, nå bnr 2. Torsmyr er og blitt eige bruk. Sjå bnr 15.

*Hestehaven.*

Den første me finn her er Isach Kiddelsen og Aase Christoffersdtr Hesthougen som i 1807 har sonen Anders til dåpen. Meir høyrer me ikkje om dei.

I 1820 har Jens Nilsen Hesthoug og Ane Catrine Hansdtr ei dotter Targjer til dåpen. Jens var skomakar. Me veit heller ikkje meir om desse folka. I 1821 har Omund Nilsen Hesthagen og Malene Eriksdtr sonen Hans til dåpen. Også Omund var skomakar.

I 1824 gifte Johannes Aanonsen Jaavold som då var soldat og 26 år seg med jenta Karen Gurine Torbjørnsdtr. Dei kom til «Thorp-eie». Johannes var son til Aanon Tygesen Jaavoll (sjå Haugebu-ætta), men det gjekk ut for dei der. I 1829 feste han og kona plassen Fladen for livstid av Aanon Gundersen Torp,

men denne plassen låg nok i Hestehaven, for i 1835 er han nemnt Johannes Aanonsen Hestehaven og han sel då husa på plassen Hesthaven til Gunder Knudsen for 50 spd. Gunder Knudsen kom til å bu i Hesthaven all sin dag. Han døde der i 1885. Han var f i Bjørkos og foreldra var Knud Gundersen som var på Nærebø då han i 1808 gifte seg med Sara Pedersdtr Østerland. Ho tente nok på Austland. Knud døde i Hestehaven 1841 som legdslem — 68 år gl.

Gunder Knudsen Birkaas vigde i 1839 med Trine Petersdtr, dotter til Peter Andersen Udjus og dei flytta til plassen som Gunder hadde kjøpt året før. Dei fekk 6 born. Den eldste, Knud, som var f 1840, gjekk gjennom isen på Landvikvatnet nyårskvelden 1857 og bleiv der. Peter som var f 1844 d 12 år gl. Den tredje av sønene, Sevrin f 1847 d 61. Den eldste av døtrene, Guri f 1842 fekk i 1873 ein son, Tobias Torp, med Tobias Torjesen frå Vigmostad. Guri er heime hos faren med guten i 1875. Ho driv med spinding, binding og veving. Guri d i 1888. Den nesteldste av jentene, Gusta Tomine f 1850 gifte seg i 1874 med Nils Abrahamsen f 1823. Den yngste av døtrene, Ingeborg Serine f 1854 var og heime hos foreldra i 1875. Ho hadde ein son Syvert Emil Svendsen som var f same året i Birkenes. Ingeborg «forsørges av faderen med lidt fattighjelp», heiter det. Ingeborg blei i 1881 gm skomakar Børuf Larsen Naastad. Dei budde på plassen der Ingeborg d av tæring i 1899. Ein son Laurits Sevrin f 1881, til USA, Teresia f 84, Gustav f 86, i USA, Sigurd 89, d i USA, var med i verdskrigen, Sigrì Lovise 92.

Plassen låg under bnr 3 Torp. Gunder hadde 1 ku i 1875, sådde 1/8 tn kveite, 1/8 tn rug og sette 1 1/2 tn poteter, og dreiv elles med gardsarbeid. Det var nok denne plassen Laurits Børresen kjøpte av Lars Jonassen Havstad (bnr 8).

Det var også ein plass i Hesthaven som låg under bnr 1. Her budde Aanon Tygesen og halvsøstera Tarjer Torsdotter i 1875. Dei hadde bare ein gris, sådde  $\frac{3}{48}$  tn kveite og sette  $1\frac{1}{2}$  tn poteter. Aanon var son til Tyge Aanonsen Jaavoll og Maren Olsdtr og f 1832. Ho er i 1857 nemnt som Tyge Hesthavens enke. Maren Olsdtr døde der i 1874 — 80 år gl. I 1876 fekk Aanon og Tarjer husmannskontrakt for livstid av Terkel og Ole Torp, årlig avgift 4 spd. Veit ikkje kor lenge dei budde der.

Denne plassen er visstnok bnr 10 nå, som Karl Nilsen selde i 1918 til Edvard Kittelsen Bjørkaas og som Karl E. Bjørkaas overtok i 1932.

#### Torsmyr.

Dette var nok ein nyare plass. I 1859 har Andreas Clemetsen Thorsmyr og Trine Marie Christensdtr dottera Tomine til dåpen. Inderst Andreas Clementsen Udjus og Trine Marie Christensdtr Nærebø vigde i 1833. Dei budde på fleire plassar i bygda og kom til slutt til Torsmyr der Andreas døde i 1871 — 68 år gl. I 1859 d Marthe Clemetsdtr Thorsmyr 50 år, sikkert nok søster til Andreas. Ho var gm Lars Olsen. Dei hadde dottera Berthe til dåpen 1844. Ho flytta til Fjære i 1867. Det var trulig då to plassar på Torsmyr. Ole Kristian Andreassen Torsmyr gifter seg i 1865, 23 år gl, med Ane Kirstine Kristiansdtr Støvne. Dei er der til neste år.

Lars Olsen Torsmyr gifta seg oppatt i 1864 med Margrete Fredriksdtr Haabesland (Vellene). Lars var f 1808 i Landvik. Han og kona budde på Torsmyr i 1875. Dei hadde 2 kyr, 1 ungdyr og 5 sauer, sådde  $1\frac{1}{2}$  tn havre og sette 3 tn poteter, så det var ingen ring plass. Ane Margrete d i 1882. Ho var f i B. 1812.

Martinius Nærebø skriv om Torsmyr: «Torsmyr var husmandsplas. Der bodde i 1870-åra Lars Torsmyr gift med Ester Marie. Der var hus med stue, kammers og kjøkken. Husa stod øie i flere år. Karl Tobias leide Torsmyr. Han flytta til Lillesand. En datter Marte er gift med Jørgen Øyna. De bor på Storemyr i V. Moland. Torsmyr er nå bureisingsbruk. Der var en plads til i Torsmyr.»

I kb finn me at husmann Karl Tobias Halvorsen Torsmyr, Torp f 1846 og Anne Olsdtr f 1858 har desse born til dåpen: Aasine Kristine 1889, Alvine 93 og Gustav 95. Sjå elles bnr 15.

#### MERKNADER

1. Torp-namnet finn me m. a. og i Holt.
2. Sjå også det som er skreve under Udjus.
3. Sjå Torp-ætta.
4. Sjå Vatne-ætta.
5. Sjå Hesthagen-ætta.
6. Arnt Stensvand skriv om Torp, Midstu, Ustrus og Møretro: De kalles ofte tilsammen «Grennen», da de laa i Redals centrum og var noget for sig selv.
7. A-Agder fylke gjennom 100 år s. 222. Ola er her nemnt som Den kjende Landvikbonden Ole Torp.
8. Arnt Stensvand skriv: Paa Torp er der et betydelig landhandleri som er grundlagt av Lars Hesthagens søn Øven Hesthagen d.y. I sine yngre dager gik han paa Ullmanns folkehøiskole i Prestdalen i Gunnar slakters hus 1875, vel henimot 18—20 aar gammel. Siden startet han handel i Grimstad, men for mange aar siden slog han sig ned i Redal, og det viser sig at det var utmerket, da Redal absolut maa være bedst for en landhandler, saa isolert som den store og herlige og velstaaende bygd baade har vært og er.
9. Lærer i Redal Lars Tyssan forsøkte sig som landhandler i Redal omkr. 1860, men han drev ikke handelen tidsmessig, idet varene laa hulter til bulter sammenstuet paa et stuegulv uden indredning til butik, uten disk og hyller, og hans handelsvare var hovedsakelig mel og korn, samt kaffe og sukker.
9. Terje gm Johanne Jensdtr Dokkedal. Sjå T. F.: Rodals-ætta s. 19.



## LUNDEN

Gnr 34

Ein gong i tida gjekk det ein skinnklædd veidemann i skogen øvst oppe i Redalen og skaut bort pila si der. Det gjekk seklar på seklar til pilodden blei funnen i jorda på Lunden. Ei øks av grå sandstein vitnar elles om at det tidlig blei rudd gard, og namnet tyder på at bygda nok her hadde sin offerstad til vern mot vette og vondskap og til ære for dei høgare makter som dei trudde på.

Lunden blei med tida ein stor gard. Så langt tilbake me veit, skilde dei mellom Øvre og Nedre Lunden. Samla skyld var 9 huder, men garden var vel blitt overvurdert, for i 1668 blir Øvre Lunden sett ned frå 6 til 5 huder og Nedre Lunden frå 3 til 2½ hud. Nedre Lunden var då eit bruk, Øvre Lunden 2 bruk. Og så vidt me kan skyne, hadde det vore slik i lang tid.

Det er mange namn som er nemnt på Lunden først på 1600-talet. Den første me elles høyrer om er ein Odt i Lundeom som i 1528 får ei bot for slagsmål. Eit hundre år seinare er visst blodet like heitt, for då får ein Ulff Lunden ei bot på 1 dl . . . for hand schar Elling Lunden med en kniff. I 1611 betalar Elling Øffre Lunden knektskatt, men i 1610 er han nemnt Elling under Lund. I 1610 er og nemnt Stian under Lund og Nils Nere Lund, men

bare dette eine året. Elling Øffre Lund(e) er nemnt fram til 1623. Frå 1613 er nemnt Joen Nerre Lunde, frå 1628 Torkel. I 1624 eig Joenn Annondzen Lunde til odell i Lunden 2 huder. Med ham kjem Dolholt-folk inn på Nedre Lunden og folk av Dolholt-ætta sit på garden fram til 1930, då Johanne Katrine Børresen sel sitt bruk til Tobias Thompsen.<sup>1</sup>

Elling som sat på Øvre Lunden først på 1600-talet, var trulig frå Nærebø. Garden var på utanbygds hender. Frå eit skifte på Augland i Torridal i 1624 veit me at folka der åtte 2 huder 3 ksk i garden. Torgie Taraldsen og Stig Taraldsen delte dette godset. Det kan hende at Stig — han kom seinare til Foss i Tveit — er den same som den Stian som er nemnt i 1610 på Lunden.<sup>2</sup> Sidan har me der Berent Stiansen. Han eig 5½ ksk i garden i 1643. Han var brukar av halve Øvre Lunden. I 1648 leiger han resten av bruket av Thorgie Ugeland og Tharal Hugevig i Mandals Lehn. Desse veit me var av Auglands-folket. I 1649 låner han 30 rd på gardparten sin av desse som er nemnt og som me må gå ut frå er ætt-folket hans.

I 1645 er på Lunnden øffre, som dei då skreiv: Rommund og hans quinde, en dreng og en pige Aase. Berennt og en pige Ranni. Ro-

mund veit me greie på. Han var son til Tollef Tingstveit og Gunhild Torsdtr Eidbo som seinare blei gift til Dolholt. Romund og broren Anders er hos mora på Dolholt i 1624. Anders kom tilbake til Tingstveit, men Romund kom til Lunden og fekk stor etterslekt i Landvik.<sup>3</sup> Han hørde til rik ætt både på fars- og morsida og i 1643 ser me at han sit som eigar av 2 huder 3 ksk (9 gsk) i Øvre Lunden, men noen år etter, i 1648, eig han og brukar 3 huder.

#### ØVRE LUNDEN

At det var to like store bruk på Øvre Lunden ser me og av kvegskatten i 1657. Romund Lunden betalar 1 dlr 2 ort 17 sk og Bernt 1 sk mindre. Romund må ha lote gje frå seg jordegodset for i 1661 heiter det: Aamon Ulffsen i Torehall bestemand, eier 3 huder hvilke Rommen Lunden bruker. Aamund det her er tale om, var Aamund Ulffsen på Strai. Han var gm ei dotter av Bernt Torgjeisen Augland og han hadde dette godset i 1651.<sup>4</sup> Det må vel ha vore slik at Auglands-folket har ått heile Lunden, og så har tatt garden som Romund brukte, paa odel. Dei andre tri hudene i garden, brukte Bernt Stiansen. Romund var 57, Bernt 54 år i 1664. Romund er leiglending i 1668, sameleis som Bernt. Skyldet er som nemnt då sett ned til 5 huder.

I 1674 har Romund fått panta til seg garden 2½ hud og han eig i alt 6½ hud. Me veit ikkje når Romund døde, men garden blei delt mellom sønene Telleiv, Pros og Terkel som fekk 10 ksk hver til bruk, trulig først i 1680-åra. Om Telleiv veit me ikkje stort meir enn at han var heime og 24 år i 1664. Sonen hans, Auen, eller Øven Teleysen som han blei skreven då han gifte seg i 1694, hadde dei 10 ksk i garden etter faren.

Bernt Stiansen levde til 1692 og blei 82 år. Han hadde sønene Stian, Terje og Aanon. Terje

kom til Nærebø, Stian og Aanon delte farsgarden, men me veit ikkje noe om Bernt åtte jordegodset då han døde, for skifte er ikkje funne. Aanon d i 1701, bare 44 år gl. Han var gm Anne Aslaksdtr Imenes og ho hadde 3 ksk i garden i 1706, det same hadde Stian, medan Pros Romundsen som døde i 1695 — 48 år gl, åtte 9⅓ ksk.

Det kan vere av interesse å sjå på kva dei hadde på garden på slutten av 1600-talet. Ved skiftet etter Pros, som sat med ⅓ av Øvre Lunden, blei det registrert: 1 blached hest 7 rd, 3 kyr a 2½ rd, 1 liden tior 2 rd, 3 «søver» og 4 geiter a 1½ ort og 1 «risbider boch» 0-1-12. Dette var buskapen. All lausøyra blei verdsett til 59-3-16. Så mykje var det nok ikkje dei hadde å greie seg med til matlaging: 1 jerngryte 1½ rd, 1 dito 1 rd. Av «trevahre» er det m. a. ei forrekiste med lås 1 rd og 1 gl dito 1 ort. Ei øltønne er sett i 16 sk, så øl laga dei. Tinnsaker er det ikkje. Og av sølv eit staup til 2½ rd og eit par sølvskeier. Til å legge på bordet var det 2 ringvovne dukar dobbelt breie og 3 alen lange, den dyraste verdsett til 2 rd, eller mest eit kuverd. Endå meir dyrverdige var bolsterdynene som dei hadde to av, verdsett til 3½ rd stykket. Der var au 1 gl benkedyne og 1 hynde. At dei ikkje hadde meir enn to lerretslagen er ikkje så underlig når me ser at dei kosta 2 rd stykket, eller mest eit kuverd. Det var au 1 «leritz handklæde» til 1 ort, men slikt var nok bare for gjestebruk.

Pros Romundsen var gm Ingeborg Omundsdtr Tjore. Ho kravde ikkje noe til gravferds-kostnad og baud seg au til å betale skifte-kostnaden. Eldste sonen, Romund, var då bare 11 år. Og Ingeborg blei nok sittande med garden til Romund gifte seg i 1718.

Terkel Romundsen, bror til Pros og farbror til Auen Tellefsen, åtte sine 10 ksk i garden i 1706. Han var gm Barbro Gjerulsdtr Tjore,

Øvre Lunden.  
Til v. Nils Hellers-  
liens bruk, t. b. bnr  
4 — Tobias Thomp-  
sen, i midten bnr 6,  
Nils Christiansen.



søskenbarn til Ingeborg Ommundsdr. Mødrene deira var frå Havstad, og då Børge Arnesen Havstad døde i 1714, kom Terkel til Havstad og det gamle Romund-bruket på Øvre Lunden blir nå delt i to. Øven Tellefsen og Romund Prossen har hver 1 hud 3 ksk i 1723. Og Auens bruk er det einaste me kan fylgje udelt fram til våre dagar. Me tek derfor her til med

#### Bnr 6.

Øven Teleysen gifte seg i 1694 med Ingeborg Johansdr som då sat som enke på Torp. Med henne fekk han jord i Torp og dette jordegodset 8 ksk hadde Lunden-folka og brukte saman med jorda i Lunden.<sup>5</sup> I 1711 kjøpte Øven også 1 gsk i Midstu for 28 rd. Ei av døtrene, Karen, blei gift med Søren Svendsen på Nedre Lunden.

Etter at Øven Tellefsen var død i 1733, overtok nok yngste son Johannes Øvensen garden, som var på 1 hud 3 ksk, eller  $\frac{1}{4}$  av Lunden etter gl skyld. Han vigde året før med

Ane Jensdr Nærebø, og den nesteldste av sønene, Jens, kom til Nærebø.<sup>6</sup> Den eldste, Øven Johannesen, overtok Lunden etter faren som d i 1776. Johannes Øvensen var ein mann som sat godt i det. Han var likna for 200 rd i lausøyre i 1743. Ei av døtrene blei gift til Igland. Det er om dette N. Igland fortel: Johannes Lunden hadde 2 døtre, og Osul kom og spurte ham etter en av dem. Hvem vil du have? spurte Johannes. Det er akkurat det samme for mig, sagde Osul. Døtrene måtte da selv avgjøre hvem der skulle til Igland.

Det var i 1770 at Osul Kittelsen Igland gjekk på friarføter til Lunden. Nå hadde Johannes 4 døtre, men ei av dei var gift før til Ustrus, ei gifte seg same året med Ole Pedersen Birkedal, så det var vel bare to som var «ledig». Eit par år etter, i 1773, gir Johannes Øvensen og kona seg i follaug til sonen Auen som får 3 ksk i Lunden og 1 ksk i Vigen for follaugget og skal ha åsætesrett til Lunden, medan Jens skal få bruket i Nærebø.

Øven Johannesen var f 1733 og døde 1802.

Same år dør kona, Inger Gundersdtr. Dei hadde to søner som levde opp, Gunder og Johannes. Øven åtte garden verdsett til 600 rd og dessutan 3 ksk i Jåvoll for 150 rd. Gunder Øvensen overtok garden, men døde alt i 1804, bare 26 år gl. Så fekk Johannes garden, men han døde i 1809, 24 år gl. Garden gjekk til søstera Ane som var einearving. Garden blei nå sett i 990 rd. Det var noe gjeld, men Ane fekk 858½ rd netto. Buskapen var 1 hest, 4 kyr, 1 kalv, 2 vaksne og 5 mindre geiter. Kuprisen var nå 12 rd.

Same året som brøren døde, gifte Ane seg med Sivert Gundersen Torp. Ho var bare 17 år då. Alt året etter sel Sjur garden til Aanon Larsen som sat på grannegarden. Nå var prisen komen opp i 3200 rd. Men dette salget må visst ha gått omatt, for i 1812 sel Syvert Gundersen 1 hud 3 ksk til John Johnsen Nærebø for 10 000 rd. Og garden går ut av ætta.

John Johnsen sit med garden til 1858. Då sel han halvparten til sonen John for 900 spd. Etter at faren er død i 1862, får John Johnsen d.y. resten av garden for 1350 spd. John Johnsen d.e. var gm Johanne Jensdtr Gitmark. John Johnsen d. y. var gm Ingeborg Marie Kiddelsdtr Bringsvær. John d i 1895. I 1902 går garden over til yngste sonen, Alfred Tørres, for 15 000 kr. Eit par år etter sel Tørres garden til Guttorm Uldal for det same som han hadde gitt. Guttorm blei bare sittande på Lunden i 4 år. I 1908 måtte han gå frå. Gunder K. Dyngedal frå Froland kjøpte då for 20 000 kr. Etter at Gunder Dyngedal var død gav enka hans, Marthe, over garden til svigersonen Nils Christiansen i 1947 for 25 950 kr. I dette kjøp fylgde og med bnr 9 Jåvoll som John Johnsen d.e. fekk i 1847 for 120 spd og som Guttorm Uldal overtok i 1904 for 2000 kr.

Bnr 6 har skyld mk 9.41, har 65 da dyrka mark og 800 da produktiv skog. Sætehus i 1½ høgd bygd 1906, modernisert 1951. Uthus

1910. På garden før dei nå (1955) 10 kyr, 8 sauer og hest.

#### *Dei andre bruk på 1700-talet.*

Me skal først sjå på bruket som Romund Prossen fekk kring 1718. Han sat au med 1 hud 3 ksk eller ¼ av Øvre Lunden som sin frende Øven Tellefsen. Han var gm Astri Andersdtr Indtjore og dei fekk 3 døtre. Gardjenta Guri gifte seg med Aslak Jonsen Midstu og han overtok garden etter at Romund var død i 1741. Han sit på Lunden i 1743 og er likna for 100 rd. Aslak var son til Jon Nilsen Midstu. Guri og Aslak hadde bare ei dotter som levde opp, Gunhild Aslaksdtr. Ho var f 1746 og vigde i 1766 med Nils Andersen Imenes som då kom til Lunden.<sup>7</sup> Han var ein mann som visste å skaffe seg både jord og medel elles. I 1770 fører han tingsvitne på at han og svigerfaren eig 2 huder i Lunden, dels arva, dels kjøpt. Skifte etter han i 1790 syner at han hadde fått 9 ksk ved skj 1767 og hadde 7½ ksk etter tingsvitne i 1770. Og så hadde han auksjonsskj på 1 hud 3 ksk frå 1776. Dette var eit av dei bruk som hadde høyrd til «Auglandsfolket».

Aanon Berentsen var som nemnt gm Anne Aslaksdtr Imenes. Det var sk etter Aanon i 1701 og det stod skralt til med økonomien. Det var bare gjeld alt i hop. Ane sat att med 4 små born. Eldste sonen, Aslak, har overtatt bruket i 1723. Han vigde i 1729 med Guro Gundersdtr Dolholt. I 1742 får han kjøp på 1 gsk i garden for 90 rd. Det var visst alt han åtte i garden. I 1768 gjev Aslak og Guro seg i follaug til svigersonen Christoffer Olsen Refsvig som i 1760 hadde vigd med eldste dottera, Todne. I 1770 kjøper så Christoffer 9 ksk i garden for 300 rd. Ved sk etter Todne i 1771 hadde han 1 hud 3 ksk og åtte då heile bruket, men gjelda var stor. Christoffer døde i 1776 og då var det garden gjekk til auksjon.

Og Nils Andersen fekk også dette bruket. Og han brukte endå meir, i alt 3 huder 3 ksk som me ser Gunhild Aslaksdtr sat med i 1792. Då brukar elles Knut Olsen 3 ksk, Nils Clemedsen 3 ksk og Johannes Øvensen 1 hud 3 ksk.

For å finne noen samanheng må me gå tilbake til Stian Berentsen som brukte 1 hud 3 ksk kring hundreårsskiftet. Men han åtte bare 3 ksk. Stian døde i 1708. Han var gm Todne Torkelsdtr som før hadde vore gm Lars Halvorsen Dokkedal. Todne døde i 1712. I 1709 ser me at det er komen ein Hower Lunden som det året har dottera Inger til dåpen. Han brukar 1 hud i 1723 og er då skriven Hover Torjusen. Av andre kjelder veit me at han var frå Vinsland i Birkenes og gm Elen Tergiesdtr. Ho var frå Nærebø og det var nok med henne han hadde fått bruket som Nærebø-folket må ha ått. Paal Halsteinsen brukar 3 ksk i 1723. Han var gm Marthe Stiansdtr og det gamle Stiansbruket er såleis delt. Paal flytta sidan til Dokkedal som var hans odelsgard. Men heller ikkje Haaver åtte garden han sat på, bare 3 ksk . . . med paastaaende huser og andre tilliggende herligheder som enken haver arvet etter sine sal. foreldre, heiter det ved skiftet etter Haaver i 1752. Han døde det året — 86½ år gl.

Det er ikkje råd å finne litande opplysningar om jordegodset som Nærebø-folket hadde i Lunden. Det er ei rekke kjøp og salg som me ikkje kan gjere greie for her. Sikkert er det nok at dei 3 ksk som Haaver hadde, gjekk over til Knud Johnsen Einertro som i 1757 gifte seg med Anne Haaversdtr, einaste dotter til Elen og Haaver. Knud fekk og tak i anna jordegods i garden og i 1766 ser me at han sel 1 hud til sonen Nils Knudsen for 590 rd. Og Nils sel så året etter 9 ksk til Nils Andersen for 360 rd. Nils Johnsen sat altså att med 3 ksk og det er trulig desse 3 ksk som Knud Olsen (Midstu?) er brukar av i 1792. Det er elles

som sagt ikkje råd å finne sikker greie på dette jordegodset. Det einaste sikre me kan finne ut er at det på slutten av 1700-talet var ein storgard på Øvre Lunden på 3 huder 3 ksk som Nils Andersen hadde samla, så var det Øven Johannesens bruk på 1 hud 3 ksk og så var det dei to partane på 3 ksk hver, men det var nok ikkje sjølvstendige bruk.

#### *Garden kring 1800-talet.*

Før me går vidare, skal me nemne litt frå skiftet etter Nils Andersen. Han døde på farsgarden Imenes i 1790 og han åtte Imenes 2 huder verdsett for 1320 rd og 2 huder 7½ ksk i Lunden verdsett for 882 rd. Han åtte også 2 ksk i Resviga, 1½ ksk i Storenes og i Vestre Bjørkos . . . 2 skougstykker som fra ælgammel tid har lagt under bruget Lunden. Han åtte au  $\frac{5}{12}$  i Lunden «Bøigdesaug», verdsett for 25 rd. Og det var lausøyre for heile 452½ rd. Dessutan hadde han 354 rd ståande ute og ikkje gjeld. Bruttoeiga kom opp i 3162 rd, netto 3089 rd etter at sk.kostnad 73 rd mv. var drege frå. Og han var vel då den rikaste mann i Landvik. Buskap hadde han på begge gardane, på Lunden: 1 hest, 6 kyr, 2 stutar, 19 sauer og 4 geiter. Der var mengder av klæde, innbu og reidskap. Og mykje sølv. Det kan nemnast at skrivaren dro av med ei sølvkanne på 80 lod (0.972 kg) verdsett for 40 rd eller 8 kuverd jamnt over. Han tok vidare med seg eit sølvlommeur for 6 rd, ei husklokke 10 rd, 1 hest 12 rd og 1 ku 5 rd. Så han fekk då noe for sin «umage» som det heitte den gongen. Av «den sal. mands gangklæder» kan nemnast: 1 sort klædeskiol 3 rd, 1 kirole, vest og buxer av hiemmevirket tøy 1½ rd, 1 par fløielsbuxer 1 rd, 1 blaarudet vest ½ rd. Møbler og stas var det ikkje noe større av. Men det var «et forgylt speil i storstuen» verdsett til 3 rd, så det var nok ein fin spegel.

Gunhild og Nils hadde bare ei dotter, Jo-

hanne, som var 13½ år då faren døde. Ho var rikaste jenta i bygda og den som fekk henne var Ellef Øvensen frå Nedre Lunden. Etter kongebrev gifte dei seg i september 1792. Johanne hadde då ikkje fylt 16 år. Same året gifte mora seg med Aanon Larsen Inn-tjore.<sup>8</sup> Gunhild var då 46 år, Aanon 24. Aanon busta svært i veg då han kom til Lunden. Same året selde han 1 hud i Imenes til Ellef Øvensen og 1 ksk i Resviga. I 94 selde han dei 1½ ksk i Storenes til Ellef for 188 rd. Same året låner han ut omlag 400 rd til Gunder Knudsen Østerhus mot pant. I 97 kjøper han 6 ksk i Midstu. I 1801 ser me at han har fått løyve til å drive ei sag i Grølebekken og skjera bord til utskiping. Han har og Lunde sag saman med Ellef Øvensen. I 1805 kjøper han 1½ hud i Tjore, men sel i 1807 då han kjøper 1½ hud i Havstad for 2500 rd. Denne garden får bror hans, lensmann Anders Larsen, året etter. Han er og interessert i Beisland sag, for i 1805 ser me at han sel ein sagpart der. I 1806 bygger han ei skute på Tjorestrand saman med Jakob Degn og Aanon Aanonsen Liene. Skuta var ein galeas på 40 holl. fot som dei åtte ihop.

Med den store garden gjekk det vel heller noe på skeive. Dei 1 hud og 3 ksk som Nils Andersen hadde slått til seg i 1776 fekk Aslak Christoffersen kjøpe tilbake i 1793 for 490 rd. Ellef Øvensen Nedre Lunden fekk dette godset med kona i 1792. Aslak selde i 1799 til ein Lars Pedersen Linnum for 1100 rd. Me veit ikkje hvor Lars kom frå, men han var på Øvre Lunden i 1801 og er då skreven Lars Olsen. Lars Pedersen d i 1802. Kona heitte Anne Jakobsdtr. Dei hadde ein son Jakob Larsen som budde på «garden Fæen i Østre grevskab v. Tønsberg», ei dotter Anne som var gm Aanon Johansen på Vegårshei og Maren gm Otter Jensen i Sannikedal. Sonen Christen — han kom seinare til Midstu og Torjushaven —

og døtrene Gro og Trine var heime ved skiftet. Det blei bare att 6 rd ved skiftet og dette gjekk til sk.kostnad. Har ikkje funne hossen det gjekk med garden, men han kom nok på handel og i hendene til ein Augustinus Juell. Han slår også i 1820 til seg på auksjon 1 hud 3 ksk . . . . som forhen har tilhørt Aanon Larsen . . . . for 540 spd. Augustinus Ebbel Juell får skj i 1822 og same dag sel han til Iver Johnsen Skaaren 2 huder 3 ksk . . . . med bygninger og herligheder . . . . for 1350 spd.

#### *Garddeling i 1822.*

Same haust som Iver Johnsen Skaare kjem til Lunden, er det 9/11 . . . . avholdt en udbytningsforretning paa denne gaard hvorved Iver Johnsen er tilbyttet 2¼ hud i d.g. av Aanon Larsens brug, heiter det. Utskiftinga tok elles til 9. juli. Og dei er ferdig ut i november då retten er samla på Lunden «til udførelse av udskiftningsforretningen». Heimemarka er i alt på 46 137 kv.famner og det er ikkje mindre enn 37 stykke som er oppmålt. Me nemner noen namn: Kalvehaven, Skrubbekjær, Leeager, Fidjestykket, Svinhaven, Ildhusager, Hofteager, Ægreager, Storerger, Smalager, Loftager, Kjeldebraada, Skidnegrov, Faaedabben, Spandsslaattet, Havemyr, Søyleteigen, Houene, Jamvoldreinen, Kleppekjær, Tuekartan, Høyekjær, Vestre og Østre Langteig, Snøhommer.

Skouv og udmark: Furuknollen, Giederaasen, Fremre Daaresti, Sagemoen, Rossedalskrogen, Surtemyr, Qværnhusstykket, Lundehougen, Ringskjenstykket, Hougtvedbraadet, Lundeheien, Helleraas, Styggedal, Survaldstykket. Lundeheien er det største stykket, 80 316 kv.famner.

Det er nemnt dei stykke som hvert bruk fekk. Av innmarka fekk Iver Johnsen 31 941 kv.fm., Aanon Larsen resten. Plassen Høymoen er sameige. Aanon får der ¾. Vidare heiter det: Av vildheiene som ikke lader sig maale, blev Iver Johnsen tildelt Indre Daaresti ved Søndelivandet og fremmere Daaresti paa nord-siden av Saugedalsbækken. Aanon fekk . . . . Saugeskaret med tilstødende vildhei og Klomrehei paa syd-vestlige side av Saugebækken.

Om husa heiter det: Av bygningerne til 3¼ hud blev Aanon Larsen for 1 hud jordegods tildelt: bryggerhusbygningen over og under med forstuegangen, stolpehusbygningen, den i n.w. og s.o. beliggende koe- og hestestaldbygning, vedskjulbygningen og den vestre

side av den i ø. og v. beliggende uthusbygning samt 70 spd jevned av de bygninger som tildeles Iver Johnsen for  $2\frac{1}{4}$  hud. Iver får hovedvåningen på austsida av forstovegangen, vidare austre part av uthusbygningen, badstova og potetkjellar.

Aanon protesterte mot utskiftinga, men retten avviste protesten.

Til slutt heiter det: Endelig erklærde lavretten at jordegodset  $3\frac{1}{4}$  hud i Øvre Lunden endnu tilhører et stykke skouv kaldet Buefjeld, som ved stene er avdelt, og hvorav Aanon Larsen er tildelt den østre part og Iver Johnsen den vestre part, hvormed forretningen sluttes. Dette siste var nok på grunn av protesten som m. a. gjekk ut på tvist om eit skogstykkje ikkje var avgjort.

Det må ha gått tilbake for Aanon Larsen som for så mange andre i dei vanskelige krigs- og etterkrigsår sidan han laut la over  $\frac{2}{3}$  av garden gå frå seg. Gunhild Aslaksdtr døde i 1811. Dei hadde ikkje born. I 1812 gifte så Aanon seg med ei jente frå Fjære, Kirsten Torsdtr Bringsværd. Dei fekk 7 born i åra 1813—25. I 1826 sel så Aanon bruket han sat att med til Ole Terkelsen Udjus d.y. for 1000 spd. Han flytta ut med huslyden sin og me veit ikkje hvor han blei av.

Iver Johnsens bruk fekk i den nye matr lnr 90 a, Aanon Larsens lnr 90 b, seinare

#### *bnr 2.*

Ole Terkelsen sat med dette bruket til han i 1843 selde til broren Johannes Terkelsen for 400 spd. Johannes var gm Malene Larsdtr, ei søster til Christen Larsen Tyssekil som gifte seg til Udjus. Johannes og Malene hadde ikkje born. Johannes døde i 1866 — 71 år gl. Malene sat så med garden som ho i 1877 overdro til brordottera Stine Kristensdtr som då sat som enke på Nærebø. Ho hadde vore gm Jens Christensen og hadde også bnr 3 av gl skyld  $\frac{3}{4}$  ksk. Dette stykket var gått ut frå Nedre Møretro ved ei deling i 1822. Ved sk etter Stine i 1883

blei bnr 2 utlagd til sonen Christen Teodor Jensen for 9580 kr. og bnr 3 for 420 kr., men alt året etter, i 1884, gjekk eigedomane over til Knud Andersen Haaland som fekk auksjons-skj for 10 000 kr.

Knud var f på Haaland i Grindheim i 1853.<sup>9</sup> Han kom til Landvik og dreiv som skogsarbeidar då han i 1881 vigde med Gunhild Marie Salvesdtr Øye. Dei budde på Øye til han kjøpte Lunden. Born: Gurine 82, Anders 84 (d 96), Marta 86, Anna 88, Berte 90, Salve 92, Olava 95. Knud var ein dugande mann som arbeidde seg godt opp. Og i 1907 kjøpte han det store bruket bnr 1 i Nærebø for 16 500 kr. Dette bruket overtok sonen Salve i 1917. Sjøl bygde han nye sætehus på Lunden i 1916. Nye uthus hadde han bygd i 1904. I 1925 overdro han så garden til sviger-sonen Terje Kristoffersen for 33 000 kr.

Bnr 2 har skyld mk 7.50, bnr 3 mk 0.36 og har 50 dekar dyrka mark og 500 dekar produktiv skog. Frå bnr 2 blei i 1878 utskild part i plassen Høimonen av sk 2 sk, nå bnr 5.

#### *Iver Johnsens bruk.*

Iver Johnsen Skaare frå Vegusdal fekk som nemnt kjøp på 2 h 3 ksk i 1822 for 1350 spd. Det var gamle hus på garden som me har set og Iver bygde då straks nye 2-høgda sætehus, dei som nå står på bnr 1. «Iver skulle være en framifrå forstandig mand og en velstående jordbruker», skriv Arnt Stensvand. Kona hans heitte Allaug Osdtr. To døtre, Anne Bergethe og Gunnil blei f på Lunden. Dei andre borna var f før dei kom dit. I 1832 gjer Iver Johnsen som eigar av 2 h 3 ksk eiden til grunnlova. Han var då 59 år gl.<sup>10</sup> Iver døde i 1854 — 81 år gl. Same året blei garden delt mellom sønene John og Ole. John fekk det seinare bnr 1 av gl skyld 1 hud 3 ksk, Ole fekk bnr 4 av skyld 1 hud.

*Bnr 1.*

John Iversen fekk skj på eigedomen ved sk etter foreldra i 1855. Han var f i 1806 i Vegusdal og gifte seg i 1854 med Gurine Aresdtr som var 27 år yngre. Den eldste av sønene, Iver Emil f 1861 døde i 1886. Og eit par år etter sel så John garden til Terje Terjesen Stalleland for 9600 kr. Terje selde i 1890 til Edvard Olsen parsellen Langteig og Have-myra av skyld mk 2.00. Og i 1901 fekk så Edvard O. Lunden, som var brorson til John Iversen, kjøp på bnr 1 for 8650 kr. Same år fekk Ole Edwardsen skj på bnr 14 for 2750 kr. samstundes som han overtok farens bruk, bnr 4.

Edvard Lunden skilde i 1909 frå bnr 14 Gjederaasen av sk mk 0.60 som Øven Hesthagen fekk skj på i 1910 for 800 kr. I 1917 blei fråskild bnr 18 av sk mk 1.00 som Landvik kommune kjøpte for 5000 kr. Bnr 1 hadde då att skyld mk 5.00. I 1922 skj så Edvard O. Lunden garden over til dottera Tora for 10 000 kr. på visse vilkår. Tora gifte seg året etter med Nils Hellerslien f i Birkenes 1892 og dei har sidan dreve garden som har 30 dekar dyrka mark og 200 dekar produktiv skog.

*Bnr 4.*

Ole Iversen fekk dette bruket ved skiftet etter Iver Johnsen i 1855 for 1236 spd. Bruket hadde som nemnt gl skyld 1 hud og det er ikkje fråseld anna enn part i plassen Høimonen. I 1876 skj Ole garden over til sonen Edvard for 2100 spd. Då Edvard i 1901 kjøpte bnr 1, det gamle hovedbruket, selde han bnr 4 til sonen Ole E. Lunden for 6250 kr. Han kjøpte som nemnt au bnr 14 som var gått ut frå bnr 1 for 2750 kr. Men Ole greidde seg ikkje på garden. I 1904 blei garden seld til Ola G. Flateland for 11 750 kr. Han fekk au bnr 14 i dette kjøpet.

Ola Flateland selde i 1931 til svogeren Tellef Thompsen, som i mange år hadde dreve garden, for 15 000 kr. Tellef Thompsen hadde vore mykje i Amerika og dei nye store sætehus som blei bygd på Lnuden i 1923 ber nok i noen mun merke av det. Nye uthus blei bygd 1929. Sonen, Tobias Thompsen f 1903 i Minnesota, overtok garden i 1935 og fekk skj i 1940 for 32 000 kr.

Bnr 4 har skyld mk 6.90, bnr 14 mk 2.00, og eigedomen har 90 dekar dyrka mark og 1000 dekar produktiv skog.

*Brn 5 Høimonen*

var plass under øvre Lunden, men blei utskild som eige bruk i 1878 med ny skyld 10 øre. Clemet Andersen fekk eigedomen for 400 kr. Torjus Hellerslien fekk Høimonen ved kjøp av eit bruk i Udjus i 1910. Han selde til sonen Nils Hellerslien i 1925 for 1000 kr. Sjå bnr 1.


*Andre bruk i Øvre Lunden.*

Me har tidligare nemnt at Nærebø-folket åtte noe i Øvre Lunden. Christen Olsen overtok 10 ksk i Nærebø og 3 ksk i Lunden i 1819. Dette blei sidan slått saman til eit bruk, men skild att i 1886 utan at me her skal gjere greie for eigarane i tida som ligg i mellom.

*Bnr 7* av skyld mk 1.88 kjøpte lærar Eilert Aaby i 1887 for 2200 kr. I 1935 fekk Aanund Aaby denne eigedomen saman med bnr 4 i Nærebø. Aanund Aaby selde i 1938 frå bnr 19 Veiteigen til Jørgen Haabestad for 200 kr. Bnr 7 har då att skyld mk 1.83.

*Bnr 8* av gl skyld 3 ksk var den andre parten i Øvre Lunden som høyrde til Nærebø-folk. Dei 3 ksk kom sidan til å høyre saman med bnr 4 i Nærebø som Eilert Aaby kjøpte i 1910 og gjekk i 1935 over til Aanund Aaby. Bnr 8 har skyld mk 1.88.





Nedre Lunden.  
 Det gamle sætehuset som er  
 restaurert av Aanon Lun-  
 den. (Fot. 1960. Tv.)

#### Nedre Lunden og dei som budde der.

Det var folk av Dolholt-ætta som hadde heile Nedre Lunden frå først på 1600-talet fram til 1819 då Øven Terkelsen Udjus kjøpte halve garden av Ellef Øvensen. Resten av garden blei etter hvert nokså mykje oppstykkka, men fram til 1930 kan me fylgje den gamle ætta på garden, som tidligare nemnt.

Jon Aanonsen sat der frå 1613 og åtte 2 huder i garden i 1624. Frå 1628 er broren Torkel komen der og Jon er då flytta til Dolholt.<sup>11</sup> Han brukte og åtte heile Nedre Lunden som då var på 3 huder. Torkel som var f kring 1610, var gm Gunhild Nilsdtr Østensbu. Dei hadde mange søner. Elling kom til Nærebø, Nils til Dolholt, Sven fekk Lunden og Gunder, den yngste, kom til Nærebø der han fekk gard med kona si som var dotter av Peder Søfrensen og Femja Henriksdtr Friis. Også Svend Torkelsen på Lunden blei gm ei av døtrene til Peder Søfrensen, Margrete Pedersdtr.

Torkel Lunden levde i 1688 og er trulig d kring 1690. Etter hans død eller trulig ei tid før, er garden blitt delt mellom Svend Torkelsen og brorsonen Auen Ellingsen Nærebø.

Elling var den eldste av Torkel-sønene. I 1668 blei skyldet sett ned til 2½ hud som Torkel brukte, men Elling åtte då 5 og søstera Todne 2½ ksk i garden. Todne blei gm Lars Halvorsen Dokkedal og 2. g. med Stian Berentsen på Øvre Lunden.

I 1701 brukte Sven Torkelsen 1 hud 5½ ksk og Auen Ellingsen 1 hud ½ ksk. Sven åtte i 1706 jordegodset han sat med, Auen hadde vel 6 ksk i garden. Seinare regulerer dei jordegodset. I 1713 gjer Sven og Auen — namnet hans er nå skreve Ougen Ellingsen så dei sa nok Auen og ikkje Øvind eller Øven — kontrakt om at Sven skal ha 15½ ksk og Auen 14½ ksk i garden. Bruka blei såleis då omlag like store.

#### Skifte på garden kring 1720.

Auen Ellingsen dør i 1717 — 53 år gl. Farbroren Sven Torkelsen i 1722 — nær 72 år gl. Auen åtte bruket i Lunden og hadde lausøyre for omlag 100 rd, men netto bare 28 rd. Gjelda var 64½ rd til kjøpmann Søren Jacobsen i Kolbjørnsvig «etter afregning d. 23. sept. 1719 som deris contrabog udviste», heiter det. Nå synte det seg at det nok ikkje var vanlig «bøkgjeld» det meste av dette, for det heiter ved sk som var på Lunden 3. okt. 1719: Sr. Søren Jacobsen presenterte

2 pantobligasjonar, 1 frå 1703 der han får pant i ½ hud i Nedre Lunden for 46 rd, den andre med pant i 1 gsk for 12 rd. Desse to pantobligasjonane var medrekna i gjelda på 64 rd. Søren Jacobsen krev ikkje anna enn at obligasjonane skal stå då han handlar med sonen, heiter det . . . . Dermed enchen saavel som sønnen Elling Øfvensen var fornøiet og tilsagde sr. Søfren Jacobsen med god træløst at betale og fornøie.

Det er og nemnt noe treløst i skiftet: 9 tlt smaalast a 3 ort (huggen træløst), 1 tylft eegebielcher fra 18 til 20 fod 4 rd og 1½ tlt citer a 4 rd.<sup>12</sup> Det var nok «skipsbruk» dei dreiv. Og kjøpmannen ville nok gjerne at handelen skulle gå vidare, skynar me.

Buskapen på garden var 1 hest, 3 kyr, 1 kvie, 1 tjør, 1 kalv, 4 «sauver», 6 geiter og 1 bokk. Dette høver nokså bra med matr 1723 som gjev opp at dei kan fø hest, 5 naut, 4 sauer og 4 geiter.

Av det dei elles hadde kan me nemne ein kobberkjel på 1¼ tn som vog 3 bismerpund og blei verdsett til 10 rd, medan hesten kom i 8 og beste kua i 3 rd. Av sølv var det bare eit staup 3 rd.

Glas og steintøy tek nå til å kome inn på gardane. Her er nemnt m. a. 2 glasbuteljer, 1 ølglass forutan diverse steinkoppar og fat. Det var ikkje lenger bare trekjerald dei hadde.

Større velstand var det på det andre bruket. Ved skiftet etter Svend Torkelsen i 1722 åtte han 1 hud 3½ ksk i Nedre Lunden, 1 ksk i Østervigen og 9 ksk i Nærebø. Dessutan lausøyre for brutto 143 netto 130 rd. Det var bare skiftetekostnad som kom til frådrag. Sven og Margrete hadde ei mengd sølv, m. a. eit staup frå 1681 for 6 rd, eit med forbokstavane til foreldra til Sven for 5 rd og eit til 4 rd. Ei rekkje sølvskeier m. a. eit par «med en drue paa enden». Dei var frå 1659—60. Dei hadde ein kobberkjel på 1 tn, vekt 32 pund 10½ rd. Buskap: 1 hest (3½ rd!), 5 kyr, 3 kvier, 1 stut, 1 kalv, 6 sauer, 5 verar, 5 geiter, 3 bokker, 1 lam, 3 kje, 2 svin, 3 griser.

#### *Søren Svendsen samlar seg rikdom.*

Sven Torkelsen hadde 4 søner og 2 døtre, så det var mange om arven. Den eldste av sønene, Jens, var d før faren, den nesteldste, Søren, var 31 år ved skiftet og det var han som kom til å overta Lunden. Den tredje av sønene, Terkel, var i «søeteneste» i København og kom ikkje heim, den fjerde av sønene døde noen år etter faren.

Søren vigde i 1728 med Karen Øvensdtr Øvre Lunden. Ho var av Tingstveit-ætta. Søren var ein drivande og tiltaksam kar og han blei rikaste bonden i Landvik. I 1759 åtte han 2500 rd og hadde utanom det 5½ hud jordegods. Det var nok han som bygde det store sætehuset som ennå står på Lunden, eit bygg som ikkje ropar av veggen, men som ved si trygge ro er eit vitnemål om gamal velstand og sikker og sjølvtrygg byggekunst. Det var visst ein gong på tale å rive den gamle bygningen, men det ville ha vore eit stort tap for bygda. Aanund Lunden, som eig garden nå, moderniserte sætehuset i 1952. Det er på 2 høgder, 125 kvm og har 11 rom og kjøken. Eit rom i 2. høgda er blitt ståande urørt av moderniseringa. Her har Aanund Lunden og kona samla gamle ting frå garden.

Det var nok ved handel med og drift av skipsbygningstømmer at Søren Svendsen samla seg sin medel og kom til makt. Me har ei rekning frå 1750 som fortel om handelen hans med skipstømmer han har levert til skuta «De 4re Brødre». Rekninga er på 629½ rd, men det var vel kanskje noe risikabel forretning han dreiv, for pengane har han ikkje fått i 1759, så han måtte gje lang kreditt, ser det ut til. Men elles var han ikkje snau. Han hadde i «banco og courant» heile 250 rd og slikt var eit sersyn i den tid då me snaut har eit einaste skifte der det er oppgitt kontante pengar. Mot pant hadde han lånt ut: Nils Jensen Dolholt 550 rd, Christen Aanonsen Haaland 115, Peder og Haagen Nilssoner Bie 200. Av presten Speilberg hadde han til gode 160 rd og hadde elles til gode for skipstømmer utanom det som er nemnt: Arnoldus Winter i Arendal 160½ rd og av borgeren sr. Ole Jacobsen 353 rd etter forevist contrabog, som det heiter.

Han hadde lete sin slektning Elling Øvensen få ½ ksk av garden, så bruka var like store. Søren åtte då bruket i Lunden 1 hud 3 ksk.

Dessutan hadde han dette jordegodset: Grøslø 6 ksk, Hardeberg Lille 1 ksk, Kiland 2 h 6 ksk, Lonebu 3 ksk, Risdal ca. 3 ksk, Midstu 2 ksk, Torp 4 ksk, Havstad vel 1 ksk og litt i Vatnestrand og Fladen, tilsaman som nemnd ca. 5½ hud.

Dette var ved sk etter kona Karen Øvensdtr. Av borna levde då bare Øven som var 20 år og Margrete 22 år. Øven gifte seg med Tone Jensdtr Aabel, B. og flytta til Kristiansand der han døde før faren. Han hadde bare ei dotter, Ursine Helene. Margrete blei gm lensmann Jens Michelsen Gietmark i 1764 . . . . efter kgl. viesbrev og disp. for slægtskab. Søren sat då aleine på Lunden. I 1770 — han var då 81 år — gjev han seg i follaug til dottera på Gitmark og svigersonen og han dør der i 1772. Han hadde selt alt jordegodset sitt. Det einaste han sat att med var ½ ksk i Lille Hardeberg. Skiftet syner ein netto på 1940 rd. Det meste av dette står ute mot pant i gardar i Landvik og Eide. Og det var ingen til å ta arven opp etter han på Lunden.

*Nedre Lunden blir på ny eit bruk.*

Garden som Søren Svendsen hadde, går ikkje ut av ætta. I 1771 fekk Øven Ellingsen kjøp på garden, 7½ ksk av Søren Svendsen for 500 rd, 2½ ksk av lensmann Jens Michelsen for 150 rd og 5 ksk som dotter til Øven hadde arva, for 383 rd. Etter dette kjøp sit Øven Ellingsen med heile Nedre Lunden. Faren var Elling Øvensen som blei nemnt i sk i 1719 og han var gm Gunvor Andersdtr Nærebø. Faren hennar var Anders Pedersen Sangereid som hadde gifta seg til Nærebø med ei av døtrene til Peder Søfrensen. — Elling var ein mann som sat godt i det. Han var i 1743 likna for 228 rd, medan hans frende Søren Svendsen då stod med 380 rd.

Øven Ellingsen vigde i 1759 med Anne Eilevsdtr Aagre. Me veit ikkje når han overtok

garden. Faren, Elling Øvensen d i 1774 — 77 år gl. Noe skifte er ikkje funne. Øven Ellingsen døde i 1785 og ved sk året etter blei garden 2 h 6 ksk utlagd til enka Anne Eilevsdtr og borna for 750 spd, dessutan 1 ksk . . . i underliggende plads ytre Vigen for 98 rd.

Anne Eilevsdtr sat med garden i alle fall fram til 1792. Same året gifta sonen Ellef seg med Johanne Nilsdtr. Ho var dotter til Nils Andersen og Gunhild Aslaksdtr på Øvre Lunden og som tidligare nemnt den rikaste jenta i Landvik på den tid. Men Eilev — eller Ellef som dei skreiv — greidde nok ikkje å styre sin store medel. Han sat med heile Nedre Lunden. Og Johanne arva 1 hud 3 ksk i Øvre Lunden og halvparten i det store farsbruket på Imenes. Ellef selde jordegodset i Lunden året etter han hadde gifta seg, for 490 rd. I 1798 løyste han inn 15 ksk i Nedre Lunden frå svograne Nils Nilsen Inntjore og Aanon Gundersen Torp for 600 rd. Imenes med Resviga hadde han løyst inn i 1792. Likevel hadde han pengar ved sida, for i 1801 ser me at han låner 250 rd til Gunder Knudsen Østerhus. I 1806 har han til gode 500 rd av Ole Jacobsen Liene.

Men så har det visst gått fort nedover. Han må selja Imenes i 1813. Og då det er skifte etter Johanne Nilsdtr i 1814 — ho døde i 1812 bare 33 år gl — blir 2½ hud i Lunden med  $\frac{5}{12}$  i Lunden priv. sag utlagd til kreditorane for 15 000 rbd. For Imenes 2 huder med 2 ksk i Resvig og 1½ ksk i Liene fekk han 10 000 rbd. Og Ellef — ein gong ein av dei rikaste menn i bygda — ende sine dagar som husmann på Heimonen. Han døde i 1848 — 81 år gl. Han hadde gifta seg på ny i 1814 med Karen Børresdtr Grøm. Ho levde etter han i mange år og døde som fattiglem i 1871.

*Garden blir delt og oppstykket.*

Eilev hadde nok tenkt at garden skulle gå over til sønene. I 1816 får han tinglyst sin

«aasædesbestemmelse» om at . . . hans eiende 2 huder 6 ksk i d.g. skal deles i 2 like store deler saaledes at ældste søn Nils Ellefsen efter faderens død bliver løsningsberettiget til 1 hud 3 ksk og nestældste søn Øven Ellefsen skal være løsningsberettiget til de øvrige 1 hud 3 ksk. Men slik gjekk det ikkje. Garden var pantsett og han kunne ikkje greie seg. I 1819 ser me at han blir panta for gardsskatt som ikkje er på meir enn 11 spd 50 sk. Same året sel han halve garden 1 hud 3 ksk med bygninger til Øven Terkildsen Hesthagen for 1100 spd . . . allene under frie brug af pladsen Heimoen saa længe sælgeren og hustru lever, heiter det.

Garden var blitt delt i 1817. Då selde Eilev halve garden til sonen Nils Ellefsen for 666 $\frac{2}{3}$  spd. Det er utskifting same året og det er då nemnt 19 innmarksstykke, og dei fleste av desse blir delt i to. Her er noen av namna: Snøhommerteien, Store Havemyr, Washaven, Landaasvolden, Bækketeigen, Faadabben, Kalvehaven, Saltvolden, Svinehævager, Hoffteigen, Storager, Kloager, Skilnegroven, Rumpager, Rughaven, Braadet til Rughaven, Urterhaven ved hustomten, Braadet vestenfor udhuserne.

Udmark med skouv: Havaasstykket, Ringskienstykket, Daarestistykket, Giedreaasstykket, Høyemoenstykket, Dybedalsstykket, Kroghestykket. Plassen Høyemoen skal være felles.

Ved kjøpet i 1819 fekk Øven Terkelsen det gamle hovedbruket. Han overdro dette i 1822 til broren Anders Terkelsen Udjus for det same som han hadde gitt, 1100 spd. Anders flytta visst ikkje til Lunden før han gifta seg i 1830 og budde der sidan. Han blei slått i hel av lynet ein julidag i 1856 då han sto og skodde hesten. Enka, Guri Aanonsdtr, sat så med garden til sin død i 1870. Terkel og Aanon Andersen fekk skj på garden i 1874 for 1600 spd.

I 1867 var det til dette bruket 62 mål dyrka mark. Aanon Andersen sat som brukar i 1875.

Terkel var då flytta til Sør Audnedal. Han var elles heime som «tilreisende» ved ft det året, men sidan høyrer me ikkje meir gjete han. Aanon var den yngste av brørne. Han gifte seg i 1884 og det året blei garden delt. Aanon fekk Vasshaven som var  $\frac{36}{91}$  av det gamle bruket, Johanne Andersdtr fekk det gamle hovedbruket (bnr 10) som var  $\frac{54}{91}$  av hovedbruket. Have-myra  $\frac{1}{91}$  av garden, nå bnr 15, gjekk til Nils Olsen.

#### Bnr 9 Vasshaven.

Aanon Andersen fekk dette bruket ved delinga i 1884. Men det var ikkje lenge Aanon sat med garden. I 1889 fekk Ole Ribe Gjømle auksjonsskj for 7330 kr. Det var bygd nye hus der i 1881. Ole Ribe selde i 1901 til Gustav Johnsen Lunden for 9250 kr., men også for han gjekk det ut. Terkel Jørgensen Jaavoll kjøpte garden i 1903 for 8800 kr. Han selde i 1912 frå parsellen Melleviga av skyld 2 øre. Jørgen Aanonsen kjøpte for 400 kr. I 1946 gav enka etter Terkel, Olevine Jørgensen, over garden til sonen Jørgen Vasshagen for 16 000 kr. Med i denne handelen fylgde halvparten av bnr 1 i Syndlesøyna.

Bnr 9 har skyld mk 3.54, har 32 dekar dyrka mark og 300 dekar produktiv skog.

#### Bnr 10.

Dette er det gamle hovedbruket i Nedre Lunden som Johanne Andersdtr fekk ved delinga i 1884. Me må gå ut frå at det var her Søren Svendsen budde og det var han som bygde dei sætehus som står der nå. Johanne Andersdtr fekk skj på garden i 1885 for 10 000 kr. Seinare gjekk garden over til Aanon A. Lunden. Anton Aanonsen Lunden fekk eige- domen i 1916 for 8800 kr. Han selde i 1934 til Aanon Johannesen Nærebø for 10 500 kr. Aanund Lunden bygde nye uthus på garden i

1946 og moderniserte det gamle sætehuset i 1952, som tidligare nemnt. Bnr 10 har 45 dekar dyrka mark og 300 dekar produktiv skog.

*Nils Ellefsen stykker opp garden.*

Nils Ellefsen kjøpte som nemnt halve farsgarden i 1817 for 666 spd. Han gifte seg i 1820 med Elen Catrine Christoffersdtr Møretro, men ho d alt i 1824, bare 23 år gl. Ved skiftet blei garden sett i 750 spd. Gjelda var 455 spd. Det er fleire postar med kjøpmannsgjeld, m. a. 36 spd til Thomas Crawford i Grimstad, og Nils kjem nok meir i gjeld der, for i 1832 må han gje Crawford 2. pr. pant for 100 spd. I 1837 sel han 3 ksk i garden til Knud Gundersen Midstu for 200 spd, og neste år også 3 ksk for 200 spd. Og i 1840 får Knud Gundersen kjøp på 3 ksk til for 300 spd.

I desse åra er det stadig eksekusjonar hos Nils. Og når kreditorane går for hardt på, sel han frå eit stykke av garden. Etter det siste salget — han sit då att med bare 6 ksk i garden — er det stadig nye gjeldspostar, «indførsler» og eksekusjonar. I 1850 ser me såleis at det har vore eksekusjon . . . hvorved lensmand Thronsen for 23 spd 66 sk er gjort udlæg i en hest og indeværende aars avling og avgrøde paa hans eiende part i denne gaard.

*Bnr 11.*

Nils selde i 1844 frå Melleviga, eit skogstykke som blei sett i  $\frac{1}{8}$  ksk, og sat då att med  $5\frac{7}{8}$  ksk som han i 1850 selde til sonen Ellef Nilsen for 200 spd. Ellef sat like hardt i det som faren, og i 1859 går garden til auksjon. Lars Christensen Udjus får tilslaget for 800 spd. Han sel så i 1861 til Børre Ellefsen Lunden, halvbror til Nils Ellefsen, for same sumen. Børre Ellefsen blei siste mannen av Dolholt-ætta på Nedre Lunden. Han var f i 1818 og gifte seg i 1845 med Aase Kistine Ommundsdr Næsset som var f i Birkenes. Dei

budde i Birkenes ei tid. Han kom tilbake til Lunden i 1850 og sat der som husmann. Børre sat som brukar av 95 b Lunden i 1867. Bruket hadde då 24 mål dyrka jord og matr.kom. fører opp at han kan fø 1 hest, 1 ku og 6 sauer. Skogen kan gje for 13 spd 90 sk netto. Men i 1875 ser me at han har 2 hestar, 3 kyr, 2 ungdyr, 6 sauer og 1 gris, så han må vel ha leigd noe av den jorda som var fråseld garden. Og i 1883 kjøper han til bnr 13 av gl skyld 3 ksk for 3200 kr.

Så er det ikkje tinglyst noe før i 1912 då Nils Hauge får auksjonsskj på bnr 11 og 13 for 14 000 kr. Men Johanne Katrine Børesen får garden att i 1915 for 17 500 kr. Ho var eldste dotter til Børre Ellefsen, f 1849. Og ho sat med garden heilt til 1930 då Tobias Thompsen kjøpte for 26 000 kr. Han selde i 1940 til broren Olaf Thompsen for 20 000 kr. Olaf skilde i 1953 ut parsellen Nordskogen bnr 20 av skyld mk 0.64. Bnr 11 har då att skyld mk 2.50.

Bnr 13 som Børre Ellefsen kjøpte i 1884 var  $\frac{1}{3}$  av det som Nils Ellefsen hadde selt frå. Knud Olsen Midstu fekk kjøp på dei 9 ksk i garden som Knud Gundersen (Torp) hadde hatt. I 1856 delte han dette jordegodset mellom sønene Ole Knudsen Nærebø, John Knudsen Udjus og Matias Knudsen Østerhus. John Knudsen fekk bnr 13, og enka selde til Børre Ellefsen. Sidan har dette bruket høyrd saman med bnr 11. Olaf Thompsen skilde i 1953 frå parsellen Bjørnkjær av skyld 25 øre (bnr 21). Bnr 13 har då att skyld mk 1.63.

Bnr 11—13 har 40 dekar dyrka mark og 500 dekar produktiv skog. Sætehus i  $1\frac{1}{2}$  høg, modernisert 1942. Olaf Thompsen leiger bort garden.

*UTSKILDE PARTAR OG MINDRE BRUK*

Gardane frå Lunden til Østerhus låg før den store utskiftinga i 1875 i teigblanding. Og av

dei 9 ksk som Knud Olsen hadde i Lunden kom bare bnr 13 tilbake til Lunden. Til Midstu (bnr 4) blei lagd 3 ksk og til Østerhus bnr 3 også 3 ksk. Lunden er såleis blitt ½ hud mindre etter gl skyld.

*Bnr 12 Melleviga* gjekk ut frå bnr 11 i 1844, skyld ⅛ ksk, ny skyld 15 øre. Magnus Olsen fekk ⅔, Sven Gulliksen ⅓ ved skj 1843. I 1846 selde Magnus Olsen til Kittel Salvesen for 100 rd. Så står det i panteregistret, men det må vere Salve Kittelsen som var kjøpar.<sup>13</sup> Magnus Olsen var blekkslagar og budde først på Lundehaugen. Han flytta til Fjære i 1849. I Melleviga var det den tid to plassar. Sven Gulliksen var ein tilflyttar. Ei dotter, Karen Serine var f i Søndeled 1840. Ein son Søren Svendsen som var 19½ år, gifte seg i 1850 med Ane Kirstine Johnsdtr Rise. Dei fekk sønene Johan Sevrin 54, Svend 57 og Anton Gunerius 59. Søren Svendsen Mellevig d av tæring i 1876. Han var ikkje i Melleviga 1875. Karen Serine gifte seg i 1856 med Ole Andreas Berentsen som var f i Holtålen. Dei budde i Melleviga i alle fall til 1871 då dei hadde dottera Kristense Jonette til dåpen. Ein son Svend Sevrin 1859. I 1875 er det Bernt Baardsen som er på denne plassen. Bernt Baardsen døde som fattiglem i 1878.

Salve Kittelsen budde i Melleviga etter at han hadde kjøpt plassen. Men det var ikkje så mange år dei var der. Tobias Salvesen Mellevig flytta til Fjære i 1858. Han kom sidan til Hegdekjær. Kittel Salvesen står som eigar 1867. Han kom til Rokleiv. I 1875 er Anne Marie Torstensdtr i Melleviga. Ho var f 1827 i Hægebostad og står oppført som gardbruger, selveier og driv med spinning og veving. Ho må såleis ha kjøpt plassen, men utan at det er tinglyst, for i 1901 sel Kittel Salvesen Dolholt til Svend Kristensen Bjorhuslien for 1000 kr.

Martinius Nærebø har skreve dette om Melleviga: Melleviga var kjøpt plass. Den første jeg husker som

bodde der, het Lars. Han drukna i Sønle og de fant han ikke igjen. Kona hette Marie og var fra Eikebygd. Marie dreiv plassen i mange år. Ho fortalte meg: Då denhere mannen min døde, hadde jeg ingen penger å betale banken med. Jeg stedde meg hos Elev Einertro for vinteren. Som løn var avtalen at Elev skulle betale rentene — syv kroner — om våren, men da våren kom hadde han ingen penger å betale med. Jeg hadde noen poteter heime i kjelleren. De fikk jeg solgt, så jeg greidde banken. — Då ho var død eide ho plassen og kr. 1500 i banken. Ho hadde i sin tid kjøpt en liten skogteig som ho brøt opp, så plassen var dobbelt så stor. Husa var med stue og kammers og kjøken og et loft. Ho bygde nye uthus på plassen og dyrka jorda godt og hadde jamt 6—7 sauer. Ho var flink og sparsam og et godt menneske.

Han fortel vidare: Før Lars og Marie kom til Melleviga budde Bernt Baardsen der. Han bodde først på Berholmen i Søndle i ei lita hytte. Kona hans heitte Dorte. Då eg var liten gut var det gildaste eg visste når eg fekk lov til å gå til Dorte. Eg kalla ho mor på skauen.

Til dette kan me opplyse at Dorte heitte Dorte Aanonsdtr og var f i Herefoss i 1817.

I 1920 gjekk Melleviga over frå Jørgen Aanonsen Øyna til Marius Johnsen Gjerbronden for 5000 kr. Med i kjøpet var au bnr 17 av skyld 2 øre som Jørgen hadde kjøpt i 1913 av Terkel Jørgensen Vasshaven for 400 kr. Sven Kristiansen budde i Melleviga i 1901. Han var gm Anne Karine Salvesdtr. Dei flytta til Sandkjær. Jørgen Aanonsen budde i Melleviga då han gifte seg i 1904. Etter at Marius Johnsen fekk egedomen, brann husa.

I 1921 gjekk egedomen til Karl O. Knutson, Joh. J. Vik og Anton Nielsen for 1000 kr. Dei selde i 1924 til John Larsen Nærebø for 3000 kr. I 1934 fekk Grimstad Sparebank auksjons-skj for 2750 kr. Kristian Møretro kjøpte same året for 2000 kr.

*Bnr 15 Haugemyr* var plass under Nedre Lunden. Her budde i 1875 Johannes Kristensen f 1829 og Karen Elefsdtr f 1835 (i Birkenes). Dei hadde borna Kristen 55—76, Gusta 61, Jørgen Emil 65 og Karl Johan 75. Nils Olsen kjøpte plassen som blei utskild frå bnr

9 i 1884 med skyld 10 øre. I 1919 får Gunhild Gunebolien skj for 2150 kr. Gunhild Nilsen selde til Bendiks Jakobsen i 1923 for 4500 kr. Nye sætehus blei bygd i 1920, nye uthus 1923. Eigedomen gjekk i 1936 over til sagmester Lars Heien. Bruket har 7 dekar dyrka mark.

#### NEDLAGDE Plassar

På *Høymonen* var plassar både under Øvre og Nedre Lunden. Baard Johnsen feste i 1823 av eigarane av Nedre Lunden pl. Heiemoen. Han budde visst då på plassen, for Baard Johnsen Lunde-eie og Ane Sørensdtr har i 1815 dottera Ane til dåpen. Bård var frå Grindalen.

I 1832 feste Øven Ellefsen plassen. Han var son til Ellef Øvensen Nedre Lunden. Faren var nok flytta til Høymonen då han fekk garden. Ellef Øvensen pantsett i 1828 «endel løsøre-effecter og sine husebygninger paa pladsen Høimoen u.d.g. til kjøbmand Thomas Crawford i Grimstad for 45 spd». I 1801 sat han med 2 tenestguter og 3 tenestjenter på Nedre Lunden. Ellef døde som husmann i 1848. Øven Ellefsen f 1800 d i 68 som fatiglem. Øven var gm Gunhild Tallaksdtr. Ho var f 1811 i Birkenes og var på Høymonen i 1875 saman med dottera Anne Kistine f 1845 og borna hennar, August f 69 og Gusta Konstanse f 71. Ho vigde i 1868 med enkemann Tønnes Andreassen Vennesland, Fjære.

M. Nærebø fortel: Høimonen var plass. Der bodde Anne Kjestine Nilsdtr (skal vere Øvensdtr). Ho var gift med ein Tønnes. Dei reiste til Amerika med seilskute. Mannen falt overbord i Atlanteren og bleiv. Anne Kjestine reiste heim med samme skuta og busette seg på Høymonen. De hadde to barn, August Tønnesen, som en tid var politibetjent i Grimstad, og Gusta som flyttet til Grimstad med sin mor. Husene blev solgt og revet.

Gunhild Tallaksdtr døde i 1884. På plassen

hadde dei i 1875 2 sauer og 1 gris. Dei sådde litt korn og sette 2 tn poteter.

På Høymonen under Øvre Lunden budde Andreas Clemetsen og Trine Marie Christensdtr. Dei hadde borna Clemet 1836, Marie 39, Ole Christian 42. Clemet Andreassen Lunden Jamvoldeie gifte seg som enkemann i 1871 med Aase Olsdtr Østerhus. Andreas budde då på Østerhus. På Høymonen budde Aanon Johannesen Jamvold som i 1862 vigde med Elen Johanne Ellefsdtr Lunden. Dei hadde borna Johanne Catrine 63—67, Aasine 64, Josefina Andrea 66, Jørgen Emil 69. (Han kom til Melleviga.) Ole Edvard 71.

Høymonen under Øvre Lunden blei utskild frå bnr 1, 2 og 4 i 1878. Plassen var då nedlagd. Nå bnr 5. Sjå bnr 1.

*Lundehaugen* var gl plass. Her budde i 1801 Nils Andersen 49 år og Anne Syvertsdtr 48 år. Dei hadde borna Knud 14 år, Marte 9 og Maren 7 år. Nils var f på Gurebu og d på Lundehaugen i 1824 — 73 år gl. Anne Syvertsdtr d i 1826 — 77 år gl. Sonen Knud var d i 1809. Same år d Guri Nilsdtr Lundehaugen — 28 år.

Det kjem nye folk til Lundehaugen. I 1826 er Lars Sørensen Lundehaugen og Tone Sørensdtr der. Ein son Søren. Dei kom til Ronnen. I 1837 er det skifte etter Poul Olsen og Rannei Terkilsdtr. Dei hadde bare ei dotter Johanne som var ½ år.

I 1841 sel Tellef Osmundsen Jaavoll husa på Lundehaugen til Magnus Olsen for 40 spd. Han selde i 1842 til Iver Johnsen Lunden for 70 spd. Magnus Olsen flytte til Melleviga som han kjøpte. Sidan høyrer me ikkje om folk på Lundehaugen. Det er ikkje noen der i 1875 og husa er då trulig revne.

#### Jord, buskap og avling.

Etter oppgave frå matr.kom 1867 var det på Lunden 289 mål dyrka jord, av dette 185

til Øvre Lunden. Etter oppgave nå er det 359 dekar, av dette 235 dekar til dei gardane som før høyrde til Øvre Lunden. Den dyrka marka er såleis utvida med omlag 70 dekar. I 1668 er det oppgitt at Øvre Lunden sår 10 tn, i 1723: 12 tn 1 skj. I 1792: Utsåd  $2\frac{1}{4}$  tn rug med avling 7 tn og 12 tn bygg med avling 50 tn, tilsaman 57 tønner. Poteter utsåd  $\frac{1}{2}$  tn, avl. 4 tn. I 1867 er den samla utsåd oppgitt til  $12\frac{3}{7}$  tn, med avling 71 tn. Til dette kjem  $11\frac{1}{2}$  tn poteter med avling 86 tn. Etter oppgave frå 1875 er utsåden i alt  $14\frac{3}{8}$  tn korn og  $18\frac{1}{2}$  tn poteter.

Husdyrhald: Etter oppgave 1668 kan garden fø 4 hestar, 30 naut og 40 «smaler». I 1723: 4 hestar, 30 naut, 18 sauer og 21 geiter. Matr.-kom 1867: 3 hestar, 11 kyr, 15 sauer. Er dei tidligare oppgaver for høge, er visst dette i snauaste laget, for i 1875 har dei på Øvre Lunden i alt 4 hestar, 14 kyr, 4 ungdyr, 23 sauer og 3 svin. Nedre Lunden sår 5 tn iflg. matr 1668, i 1723: 6 tn, i 1792: 1 tn rug og 6 tn bygg med samla avling 36 tn. Dessutan  $\frac{1}{2}$  tn poteter med avling 5 tn. I 1867 er den samla utsåd av korn  $5\frac{3}{4}$  tn med avling 31 tn. Dessutan 5 tn poteter med avling 34 tn. I 1875 er utsåden 1 tn kveite, 2 tn rug,  $\frac{3}{4}$  tn bygg, 3 tn havre, i alt  $6\frac{3}{4}$  tn. Dessutan 9 tn poteter. Det er i 1668 oppgitt at garden kan fø 1 hest, 16 naut og 20 smaler. 1723: 2 hestar, 10 naut, 9 sauer og 8 geiter. 1867: 2 hestar, 5 kyr, 14 sauer. I 1875 har dei: 4 hestar, 6 kyr, 4 ungdyr, 13 sauer og 2 griser.

#### Skog og sagbruksdrift.

Etter oppgave nå er det til Lunden 3800 dekar produktiv skog. Skogsdrifta har då og spela ei stor rolle ned gjennom tidene, likeins sagbruksdrift, som er gamal der, heilt frå 1650-åra. Det heiter i Landkom. 1661 om Øvre Lunden: En beche quern, tou parter i en saug (resten til Nedre Lunden) hvor paa det scheris

aarlig 5 eller 600 boer, som efter welb. Jørgen Bielchis bevilling er opsat tre aar siden, dog ikke haver verit taxerit førend forleden aar og giver aarlig udi schat  $\frac{1}{2}$  rd. Rommen Lunden beretter at aavirke er 5 eller 6 t. aarlig.

Om Torkel Aanonsen på Nedre Lunden som har  $\frac{1}{3}$  av saga heiter det: Beretter at aavirke av sin egen skoug op i landit 5 eller 6 tylfter aarlig. Det heiter elles: Liden skoug til brendefang. 1668: Eeg og furre skouff til smaast. 1723 Øvre Lunden: Skov til husbehov og lidet smaast. Nedre Lunden: Skov til smaa ege- og furrelast.

Lunden sag var ved sida av Gurebu sag visstnok den eldste i Landvik. Torchill Lunden og medeiere betalar sagskatt i 1670, i 1671 Berendt Lunden, i 1674 Robmund Lunden, skaaren 600 bord, 1677 Nils Torchildsen 200 bord, 1679 Torchel paa Øvre Lunden 300, 1680: 100 bord. I 1688 heiter det at Øvre Lunden sag (og Gurebu) er «forbudt og avskaffet». Men det er vel eit spørsmål om dei etterkom forbodet, for i 1724 finn me dette i Tingboka:

Øven Tellefsen Lunden paa egne og medinteressenters veigne, nembl. Elling Øvensen, Søfren Svendsen, Raamund Prossen, Anne Aslaksdtr og Haavor Torgiussen, begierede protokollert til et tingsvidnes erholdelse, dette at de havde en liden beche eller flomsaug paa og under deres gaard Lundens eiendomb udi Landvig sogn bestaaende, hvilken ingen mand kan være til hinder, eller præjudice, og nu en tid lang har staaet øde, av den aarsage, de havde befrøchtet at komme i fortræd om di noget derpaa, formedelst den er ufri, havde ladet skiære, men som denne saug allene er opbygt til at skiære saa mange bord som til deres huuse bruug og fornødenhed behøves, hvilket de vil formode dennem vorder tilladt, altsaa tilspurte han paa egne og interessenters vegne tilstedeværende almue av Landvig sogn om dem var vitterligt eller de andet kunde sige end at denne anmeldte beche eller flomsaug, er eller kunde være noget til hinder eller præjudice, men mer tienlig til gaardens fornødenhed — hvortil bondelehnsmænd Anders Imenes saavel som tilstedeværende almue av Landvig sogn enstemmig svarede at oven-



nevnte saug ikke var nogen til hinder, men høifornøden for opsidderne paa gaarden at skiære de bord som de til deres husebygninger behøvede.

På dette får dei så tingsvitne. Og så går det mange år då dei nok driv saga, ikkje minst Søren Svendsen med alt skipstømmeret sitt.

I 1790 får dei på Torp og Midstu løyve til å flytte over skur av 500 bord frå Roskjennsaga til Lunden «bøygdesaug» då dei ikkje greier å skjera så mykje som 1000 bord på Torp sag, det dei har privileg på. Flaumen tok elles Roskjenn sag i 1800 og reiv med seg stem og damstokk så Aanon Larsen Lunden som då var medeigar i denne saga, søkte om å få flytte skur av 500 bord over til Grøse sag.

Til slutt skal me nemne at matr.kom i 1867 fører opp at skogen til Øvre Lunden kan gje for 186 spd 114 sk netto til året, Nedre Lunden 65 spd.

Frå Lundesanden om Lunden gjekk elles ein eldgamal førselsveg for tømmer som dei då

tok vidare ut til Strandfjorden, ein føringsveg som er teikna inn på eit gammalt hollandsk kart.

#### MERKNADER

1. Sjå Dolholt-ætta.
2. Heilt sikkert er nok ikkje dette, men Bernt Stiansen er f kr. 1610 og kan vere son til Stig(an) Taraldsen som var f kr. 1683 etter oppl. av A. Ager-Hanssen. Me vågar derfor å sette opp ætteliste etter dette. Sjå Auglands-ætta.
3. Sjå Tingstveit-ætta.
4. Etter Stein Tveite.
5. Sjå Torp.
6. « Tingstveit-ætta.
7. « Imenes-ætta.
8. « Inntjore-ætta II.
9. Ein bror til Knud var Tobias Andersen Haaland som kom til Valbeland.
10. Sjå elles Skaare-ætta.
11. « Dolholt-ætta.
12. Citer eller sitters var ein del av eit spant.
13. Salve Kittelsen var frå Tveit i Tovdal. Sonen Tobias Salvesen blei skipsbyggjar og kom til Hegdekjær. Sjå Tveit-ætta.

## EINERTRØ

Gnr 35

Frå gammalt av var Einertrø krongods. Garden var på 1½ hud etter gl skyld. I 1738 gjekk garden over i bondeei. Det blei i 1850 fråskild 2 ksk, men elles har Einertrø gått udelt frå eigar til eigar fram til vår tid.

I åra 1611—13 betalar Laurits Einertraa knektskatt, og i åra framover til 1637 finn me at han bygsler garden. Som bygselmann i 1638 står Nils Einertraa, i 1649 nemnt som Nils Lauritzen. Det må vere den same Nils som me finn på Aagre. I 1641 er han nemnt kgl. Måj. bundelehnsmand, og han er sidan i noen år «lastens annammer udi Strømfjord», dels nemnt som Nils Lauritzøn, dels som Nils Einertrø. Han er nemnt saman med Arne Havstad som sidan blei lensmann.

Nils Lauridtzen står i 1624 på sin quindes vegne som eigar av 1 hud i Aagre og 1 hud i Vatnestrånd. I 1643 eig Kiersten Einertraa 3 gsk i Vatnestrånd. På Einertrø er i 1645: Kiersten, Christoffer og en pige Marte. Kiersten heitte Kiersten Pedersdtr og ho er trulig enke etter Nils Lauridtzen. Det er mogelig at Kiersten var ei dotter av Peder Vatnestrånd som er nemnt i 1623, men ikkje sidan og då trulig død. Christoffer Nilsen er 39 år i 1664 og såleis f ca. 1625. Christoffer hadde sønene Nils (1652), Hans (56), Torgius (58) og Lauritz

(62). I 1668 står Christoffer og Nils som brukarar av 3 gsk hver. Nils må vere den Nils Torgiussen som er nemnt 1669: Leyed og biugt Niels Torgiussen 3 gsk udi Einertraa i første tage 7½ dlr.<sup>1</sup>

Christoffer betalar i 1668 «tredje tage» av 3 gsk, men er sidan ikkje nemnt og denne ætta kjem bort frå Einertrø. Me veit ikkje hvor Kristoffer og sønene kom av. Det blir Nils Torgiussen som blir bonde på Einertrø. I 1672 betalar han tredie tage av 3 gsk med 1 ort 12 sk, det same i 1675. I 1676 betalar Nils i første tage 7½ dlr, og har såleis då fått heile garden, som han sit med i 1701 og er då 69 år. Nils Enærtrø dør i 1719 — 90 år gl. Noe skifte er ikkje funne. Det er mogelig at Todne Ormsdtr som d i 1701 — 66 år gl, kan ha vore kona, men vel helst trulig ei tenestjente. Eldri Torjusdtr som døde 79 år gl i 1696, må ha vore ei søster.

Nils Torjusen sat med garden i 1706, men i 1711 står som hovedperson oppført Anders soldats hustru. Anders Enertraa hadde i 1708 ei dotter Ingeborg til dåpen. Anders var son til Terje (Bjørnsen) Nærebo og gm Astri Tellefsdtr.<sup>2</sup> Ei søster Elen Terjesdtr var gm Haavor Torjusen Vinsland. Dei kom til Lunden. Det var Anders som kjøpte garden. Han fekk 6.

mai 1728 «et kongeligt skjøde» på 1 hud 6 ksk med bøxel for 460 rd. Anders og Astri hadde to døtre, Ingeborg gm Knud Jonsen Midstu og Inger gm Lars Hansen Morholt. Anders var ein mann som sat godt i det. Me ser at han i 1736 kjøper 1 hud 4½ ksk i Lien. Det måtte vere godt kjøp, for han gav 170 rd. Ved sin død sat han med Einertø, jordegodset i Lien, omlag 10 ksk i Lunden og 4¾ ksk i V. eller øvre Nærebø, tilsaman 4 h  $11/15$  ksk. Det heiter at Astri og borna hadde skift lausøyre sjølv som myndige arvingar, noe som var heller uvanlig på den tida. Skiftekostnaden blei 21½ rd.

Det heiter at Astri Telleisdr er udi sit 80 aars alder, og ho gir seg i folaug til versonen Knud Johnsen og dottera Ingeborg som overtar garden. Anders var 61 år då han døde i 1741. Med Knud Johnsen kjem folk av Midstu-ætta til Einertø.<sup>3</sup> Astri Andersdr døde i 1750. Dei hadde 4 søner og 3 døtre. Knud hadde løyst inn jorda i Einertø 1 hud 6 ksk. Han åtte elles vel 3 ksk i Midstu, 3 i Hundland, 1 i Østerhus og omlag 5 ksk i Lunden. Det var lausøyre for 145 rd. Av gjeld var det ein pantobligasjon på 110 rd. For dette blei utlagd 5½ ksk i garden. For skiftekostnaden 19½ rd tok skrivaren: 1 hest, 3 kyr, 1 kvie og 4 sauer. Det var ikkje lite dei hadde av sølv. Knud får m. a. utlagd 1 krus med sølvlaag for 9 rd, eller 1 rd meir enn det hesten gjekk for. Han får vidare noen sølvskeier, ein bryggekjel for 6 rd, ei ku 4 rd, ½ i ei «udeqvern» og . . . 1 ringe part udi Lunde saug 5 rd. Alle sønene og døtrene får sølvsaker. Den eldste av sønene, Nils, får også ei ku, Jon får ein stutkalv, Anders 3 geiter. Alle får tinnsaker, klæde og reidskap av ymse slag. Me ser at dei har hatt hest, 5 kyr, 1 kvie, 1 stutpose, 4 sauer og 3 geiter på garden.

Nils Knudsen Enertræe vigde i 1760 med Astri Larsdr Morholt. Året etter får Nils kjøp

på 11¾ ksk av faren for 100 rd og overtar nok då garden. Knud Johnsen døde i 1767. Det var då gått ut med han, m. a. hadde Lars Westergaard i Arendal etter dom til gode 30 rd. Bruttoeiga var 14 rd, gjeld 46 rd. Nils Knudsen døde i 1770, bare 50 år gl. Kona hans var død året før. Dei hadde ein son Lars som var 8 år og som kom til Midstu då foreldra døde. Lausøyra blei seld på auksjon for 161½ rd. Med «tilstående gjeld» kom bruttoen opp i 222 rd. Men det var mykje gjeld så noe jordegods måtte leggest til for at det skulle bli jamvekt, men dei hadde utanom dette omlag 17 ksk i Einertø. Det blir m. a. presentert ei rekning frå Thomas Fasting på Landvig på vel 67 rd. Rekninga er frå mai 1766 og Nils hadde fått kontant i alt 54 rd. Elles var det: 3 tn malt 8-1-0, 1 fat erter 1 rd, 3 blad pundlæder 0-1-21, 1 skieppe kalk 9 sk, 1 skj byggryn 3 ort, ½ tn malt 1-1-12, ½ tn sild 1½ rd, 5 pottes brændevin 0-3-8 . . . hvorimod av ham bekommet 5½ tylt bygningstømmer for 44 rd.

Buskapen var 1 hest 16 rd, 3 kyr, 2 kvier, 1 tjor, 2 geiter med kje, 1 bokk, 1 «sauv», 1 ver.

At dei brukte mykje øl, ser me av alt maltet han kjøpte. Der var då og mellom innbuet 3 øltønner. Me merker oss og 1 mahled karmslæde 2 rd. Mellom kvinneklæde er det 1 kaabe med sølvhager 2½ rd. Og 4 hatter! Av mannsklæde m. a. 1 callemanches brystdug og 1 hatt.

Gunhild Knudsdtr, søster til Nils, var gm Anders Andersen «af Birkenæs sogn». Dei kom nok til Einertø etter at Nils og kona var døde. Born: Maren 1772, Knud og Nils 74, Salve 77 d.s.å. I 79 ser me at Anders Andersen E. sel ½ i saga under garden til Ouen Ellingsen Lunden for 20 rd.

I 1782 vigjer Lars Nilsen Enertræe med Aase Olsdr Hesthagen og overtar då garden. Lars hadde elles odelsrett til Midstu,<sup>4</sup> men i 1784

gjer han ein handel med farbroren Ole Knudsen om at Ole skal ha Midstu. Lars blir då på Einertrø. Lars og Aase fekk 11 born, men då Lars døde i 1828 — 67 år gl, var det bare 2 søner og 1 dotter som levde. Aase døde i 1835.

Ved sk etter Lars var det lausøyre for vel 117 spd. Einertrø blei sett i 900 spd. Skifte-kostnad 38½ spd. Netto ca. 979 spd. Til garden høyrde halve kvernfall i Øvre Lunden. Skrivaren tok m. a. 1 hest for 26 spd og ei dragkiste for 3 spd. Dei hadde 4 kyr (kupris 7—8 spd), 1 kalv og 12 sauer.

Nils Larsen fekk utlagd halve garden ved skiftet i 1829, og fekk ei tid etter — i 1834 — heile garden då han tok mora i follaug. Han vigde i 1832 med Anne Gurine Ellefsdtr Lunden. Bare 2 av 6 born levde over ungdomsåra. Den yngste av borna, Lars, døde av tæring 27 år gl i 1876. Og det var vel tæringen som her som så mange andre stader den gongen tynna ut i barneflokket, og la foreldra i ei tidlig grav. Anne Gurine d i 1857 — 49 år gl.

Nils Larsen skilde i 1850 frå 2 ksk av garden som han i 1851 skj til sin frende Ole Knudsen Nærebø for 100 spd. Nils sat nok ikkje så godt i det. I 1857 ser me at han er skyldig enkemadame Stenersen 320 spd. Det året låner han 200 spd av Johannes Terkelsen Lunden mot 2. og 3. pr. I 1861 får han eit lån i Hypotekbanken på 500 spd mot 1. pr. Johannes Terkelsen gir samtykke til dette . . . med forbehold av pante- og oprinsret næstefter.

Nils Larsen som var f 1800, døde 1882. Av borna levde då bare sonen Elef f 1838 og dottera Aasine. Ho gav same året skj til broren på halvparten av eignedomen for 5000 kr. Aasine gifta seg same året med Ole Johnsen Lange-land frå Hægeland. Dei budde på Einertrø, men Aasine d i 1887, også av tæring. Eilev sat då aleine på garden. Han var siste mann av ætta der.

I 1907 fekk Olav Gundersen kjøp på garden

for 9100 kr. I 1909 skj han garden over til kona Aasille Bergitte for 9600 kr. Garden gjekk til auksjon i 1912. S. G. Fuglestvedt kjøpte for 8500 kr., men skj same året garden over til Aasille Bergitte Gundersen for 11 500 kr. I 1914 gjorde Aasille og Olaf Gundersen gjensidig testamente. I 1928 skj så Olaf Gundersen over garden til Selmer Olsen for 33 500 kr. I 1934 selde han frå parsellen Austre Stømne av skyld 20 øre til Selskapet Ny Jord for 486 kr., og i 1938 selde han parsellen Furu-lunden bnr 3 av skyld 3 øre til Aanund Aaby.

Ommund Einertrø, son til Selmer, overtok garden i 1953 for 40 000 kr. Bnr 1 har skyld mk 7.40, har 45 da dyrka mark og 500 da produktiv skog. Nye sætehus i 1½ høgd bygd 1936, uthus 1910.

#### *Utsåd, avling og buskap.*

Matr 1668 fører opp at garden kan fø hest, 9 naut og 11 smaler. Det var nok for mykje, for i 1723 er det oppgitt 1 hest, 6 naut, 5 sauer og 5 geiter. Av dei skifteoppgaver me har set, hadde dei snautt så mykje på garden. Matr.kom 1867 fører opp 1 hest, 4 kyr og 10 sauer. Einertrø er ikkje utvida ved nydyrking. Dyrka jordvidd er nå den same som i 1867 då det er oppgitt 46 mål. Ikkje naturlig eng, men utslåtter og heieslåtter til 10 lass høy. Utsåden er ¾ tn kveite, rug, bygg og havre og ½ tn poteter, med avling 21 tn korn og 18 tn poteter. Til samanlikning kan nemnast at utsåden i 1792 er ført opp med 1 tn rug, 4 tn bygg og ⅛ tn poteter. Avling 24 tn korn og 2 tn poteter. I 1875 sår Nils Larsen 1 tn kveite, ¼ tn rug, 3 tn havre og set 5 tn poteter. Buskapen er då 2 hestar, 5 kyr, 2 ungdyr og 7 sauer.

Om beitet heiter det i 1867: Ufremkom-melig og tung, middels græsvekt og omtrent tilstrækkelig. Skogen kan gje for 36 spd netto til året.

## PLASSAR

*Stømne* var gamal plass under Einertø. Her budde i 1766 Tjaran Aanonsen og Astri Svendsdtr. Om dei og etterkomarane er det fortalt under Grinnevoll-ætta.

Det var elles 2 plassar på Stømne eller Stoune som dei skreiv. Stømne var ingen ring plass. Tjaran avla 6 tn bygg og 2 tn poteter i 1792 og hadde tenestgut. Men det var vel trulig sonen Svend som sidan overtok plassen. Tjaran d i 1808 — 77 år gl, Svend i 1849 — 79 år gl.

Kristian Svendsen gifte seg i 1832 med Marie Osuldsdtr Risdal og dei hadde plassen. Kristian og kona budde på Stømne i 1875. Dei hadde 2 kyr og 5 sauer, sådde  $\frac{1}{4}$  tn bygg og sette 4 tn poteter.

På Stømne var i 1875 også Sven Svensen Flaa som var gm Maren Kristine, dotter til Kristian og Marie. Born: Kristian 72, Jonas 75. Ein son Matias til dåpen 1879. Maren d i 1882 av tæring. Sven flytta nok frå då og likeins svigerforeldra. Dei flytta til ei dotter som var gift på Liene og dei døde der.

På Stømne var det også ein plass under Nærebø. Nå er det blitt bureisingsbruk på Stømne, men det høyrer under gnr 36 Nærebø.

*Grinnevollen.* Aanon Tjaransen flytta trulig til denne plassen då han i 1785 vigde med Ragnhild Torsdtr Birkedal. Sonen Tor Aanonsen feste i 1835 plassen av Nils Larsen Einertø for 6 rd året. Sjå elles om plassen under Grinnevoll-ætta. Aanon Torsen Grinnevoll f 1821 overtok Grinnevollen etter faren, men han kjøpte eit mindre bruk på Beisland og flytta dit, og er der i 1875. Siste gongen me finn Grinnevollen nemnt i kb er i 1884 då Ingeborg og Kristine Aanonsdøtre Grinnevoll gifter seg. Plassen blei nedlagt og gjekk tilbake til hovedbruket.

## MERKNADER

1. Det var vanlig at dei måtte ut med ein større sum i «første tage» som det heitte. Sidan laut dei betale avgift kvart 3. år.
2. Sjå Nærebø-ætta.
3. « Midstu-ætta.
4. « Midstu.

## NÆREBØ

Gnr 36

Nerebø — eller Nærebø som namnet helst har vore skrive — er den største garden i Redal. Gamalt skyld var 8 huder, ny skyld omlag 70 skyldmark eller  $\frac{1}{16}$  av all skyldsett jord i Landvik. Og i utstrekning er garden i dag — etter at Nygrenna er kome til — den største i heile bygda. Frå ytste bruket på garden, Viken, til øvste bruket Sørheim som ligg ikkje langt frå Beisland, er det vel omlag ei mil etter den nye vegen gjennom Rossdalen.

I 1867 var det til dei 8 bruk som det då var på garden, i alt 457 mål dyrka jord. Nå er den dyrka jord auka til omlag 840 dekar og det er 20 bruk. Av desse er 6 i Nygrenna som dei gjerne kallar bureisingsbruka på Stømne-Nærebø myrar. Der er det dyrka vel 190 dekar.


Heilt fram til 1870-åra hørde også Syndlesøyna under Nærebø og det sat plassfolk under Nærebø både der og på Stømne. Skogvidda er nå på omlag 9000 dekar, men i Vesterskogen blei det i dei ringe tidene kring hundreårskiftet seld frå nokså mange skogstykke som Daae på Kaldvell slo til seg, der som så mange stader i Øvre Landvik.

Namnet seier oss at garden ikkje er ein opphavlig landnåmsgard. Men det var nok ikkje så lenge at Nærebø var den nedre garden. Og

medan jordeboka i 1624 nemner øster og wester Neerbø, som er dei naturlige namn på dei to fullgardane i Nærebø, heiter det Nere Neerbøe og Øffre Neerbøe alt ved koppskatten i 1645. Og sidan har desse namna fest seg. Austre Nærebø blei til Nere eller nedre Nærebø og vestre Nærebø blei heitande Øvre Nærebø. Dei skreiv elles om ein annan Nerebø, Nærby og Nærebøe.

Det eldste me finn om garden er frå omlag 1370 då Aslak Torsen sel Kleveland i Evje mot IX månadsmatsleige i Nærebø som Bjørn Bertorsen eig.<sup>1</sup> Så må me over 200 år fram i tida, til 1587. Det året er det ei semje mellom Peder Toresen Foss i S. Audnedal og søster hans Margrete Toresdtr som var gm Torgie på Nærebø.<sup>2</sup> I 1591 er Øden Nerby og Torgius Nerby — dei var søner til Torgie — som lagrettemenn på Hommedal og skreiv under dokumentet om kongehyllinga det året.

I skattemanntall og sakefall først på 1600-talet møter me ei mengd namn på garden, ikkje alle like gode å halde greie på. Der har me t. d. Tholluf Nærbø som i 1613 får 8 dl i bot for han hogg handa av Kristen Tjore. Dei var ute i soldattenest då. I 1624 får Gunner Nerbøe  $\frac{1}{2}$  dl i bot . . . for hand schar Jacob Kremmer i hans tommelfinger. Det er



Det gamle gardssentrum i Nærebø midt på billedet noe i bakgrunnen. T. b. Udjus.

kanskje den same som Gunder Thorgiesøn, som i 1635 har selt sitt åsæte i Nærebø og ½ hud der og flytta til Havstad. Men det er og ein Gunder og hans quinde på Øvre Nærebø i 1645. I 1635 er nemnt både gammel Thorgie Nærebø som var død og hadde pantsett 1 hud i Nærebø, og unge Thorgi Nerbø. På Nere Nærebø er i 1645 gammel Oluff og hans quinde, unge Oluff og hans quinde, Maren, Torgius og hans quinde. På Øvre Nærebø er Thorgie og hans quinde, to døtre Marte og Siri. Vidare: Øyden og hans quinde, en piege Ingeri. Knud og hans quinde, en pige Maren. Gunner og hans quinde. Marte og hindis søn Torgius.

Odelsjordeboka 1624 opplyser at Torgie

Oudenssen vestre Nerbø åtte til odel ½ hud 1 ksk. Det same åtte Pofuell Oudenssen. Torgie Torgiussen åtte 2 huder i østre Nærebø. Det er såleis nærare 5 huder som er på utanbygds hender. Elles er det oppført at hederlig och welerdt mand Hans Sestrinnsen eiger til oedel paa hans quindes wegne i øster Neerbøe 4 ksk. Nærebø hadde «udskyld» til Hommedal prestebol 1 bukkskind, 1 geitskind og 4 notting korn og til Øyestad prestebol 3 gsk.

#### NEDRE NÆREBØ

Torgie Nerebø og ætta hans kan me helst sjå sat på vestre Nærebø, men dei sat nok au på østre eller Nedre Nærebø. Thorgie Nerebø

er nemnt som krone- og leiglendingsbonde 1610, i 1617 som Thorgie øster Nerbø. Det må vere den same som Thorgie Torjusen som åtte 2 huder der i 1624 og som i 1625 er nemnt gammel Thorgie Nerbø. Same året er nemnt unge Thorgie Nerbø. I 1623 Gunder Øster Nerbø, sikkert nok den same som Gunder Thorgiesøn som selde sitt åsæte i garden.

Landskatten 1647 gir oss noe betre greie på dei som sat på garden. Gammel Oluff som er nemnt i 1645, må vere Oluff Thorgiesen som åtte ½ hud i garden og leigde 1½ hud av Tore Hauges arvingar i «Lister Lehn». Unge Oluff: Oluff Ellingsen som åtte 2 ksk og leigde av Seffren Hanssen 4 ksk. Maren eig og brukar 5 ksk. Marte eig og brukar 2 ksk (ho er trulig enke etter Torgius som er nemnt 1645). Til slutt har me Jens Morholt som eig og brukar 2 ksk.

Me legg her merke til at Seffren Hanssen har 4 ksk i garden. Det er trulig dei 4 ksk som Hans Sestrinnsen (feilskrift for Seffrensen?) åtte i 1624. Dette er i 1647. Så opplever me det merkelige at året etter står Seffren Hanssen som eigar og brukar av 2½ hud og han leiger 1½ hud av Thore Hauges arvingar. Me veit ikkje hva som førde til denne omveltinga på den store garden, kan ikkje ein gong gjette på det, men frå nå er det Seffren eller Søfren Hanssen og sonen Peder Søfrensen som rår grunnen på Nedre Nærebø. Peder er nemnt første gong i 1657 då han betalar 8 sk i kvegskatt, medan Søffren Hanssen legg 3 dl 1 ort 12 sk. Sidan overtar Peder heile garden, først som brukar, sidan som eigar. Landk. 1661 fører opp: Nerre Nerbø 4 huder. Søffren Hansen ved Strandfjord er bestemand eyer 2½ huder som hans søn Peder Søffrensen bruker, med 1½ hud som han leyer av Joen Wetteland i Lister Len.

Søffren Hanssen budde i Strømfjord og dreiv handel. Han hadde au ei lita skute.<sup>3</sup> Og han

sette opp sag ved «Stigsbroen». Denne saga låg på Vestre Nærebøs grunn og brann i 1658 då tenestguten til Søren hadde vore gålaus med varmen. Det blei au ein større skogbrann av det og det kom til sak med grannane, men Søffren blei frifunnen av Herredagen 1661.

Peder Søffrensen var skipper. I 1657 er han nemnt skipper Peder Sørensen i Strømfjord og han frakta då 80 soldatar frå Agder til Bremerholm. Han får au 70 rd for frakt av gullerts frå Arendal til kongens lysthage Rosenborg. Han var 34 år i 1664, så han var ikkje så gamal karen då han fór og frakta for kongen. Men han var au ute på anna ferd. I 1656 får han ei bot på 17 rd for leiermål med Gunnil Anstensdtr som var i huset hos broren i Strømmen ved Arendal. Me veit ikkje om han fór som skipper etter han sette seg til som bonde på Nærebø. Han brukte halve garden i 1668 og åtte med pant 1½ hud. Faren åtte resten og brukte halve garden. Det heiter at Nedre Nærebø då kan så 8 tn og fø 24 naut, 3 hestar og 30 smaler. Korntiend var 2½ tn.

Søffren Hanssen åtte 2½ hud i Nærebø og 1 gsk i Østervigen i 1674, i 1681 hadde han 2 huder. Peder Søffrensen åtte 1½ hud odels-gods i 1674. Han var gm Femja Henriksdtr Friis, trulig kring 1657. Ho var dotter av Henrik Jacobsen Friis på Molland og dei hadde borna Margrethe [1658], Henrik [64] d før 1692, Inger [68] og Karen [72].

Peder Søffrensen — eller Peder Sørensen som han då blei skreven — døde i 1692 — 63 år gl. Han åtte då heile garden 4 huder og dessutan 1 gsk i Østervigen. Odels-gods var 2½ hud, 1½ hud var kjøpt av Torkel Bjørnsen Wetteland 1669.

#### *Frå skiftet i 1692.*

Peder Søffrensen var ein velstands mann. Utanom garden hadde han lausøyre for 172 rd. Døtrene Margrethe og Karen var gifte, Mar-



grethe med Sven Torkelsen og Karen med Gunder Torkelsen Lunden.<sup>4</sup> I heimanfylgje hadde dei hver fått . . . 2 gode kyr, 1 god kvige, 1 godt dynebolster, 1 god «blargarnsdug», 2 handklæde, forutan brøllopsklæda. Inger får nå . . . 1 ko, 2 stude, 1 quie, 1 suin og 5 smaafennor. Dessutan får ho  $\frac{1}{3}$  av ein hest som dei har verdsett til 8 rd . . . men omkommer hesten udi sotten med hvilken han nu er befenged, blir det fælles børns skade, heiter det. Elles får me ikkje greie på hvor stor buskapan er på garden som vel då ved sida av Landvik, var den største einmannsgarden i bygda. Men her er noe av det dei hadde.

*Sølv:* 6 skeier 9 rd, 1 beger 6 rd, 1 gl.dags høit ditto 5 rd, 1 lite 2-2-0, 1 sølvskaal 8 rd.

*Tinn:* I alt 17 tinnfat. 11 tallerkar a 20 sk, 10 gl a 17 sk. Dessutan ei «sengepotte» til 2 ort.

*Messing:* 1 fat, 1 fyrfat, 1 stor stage, 1 mindre, 1 gl.dags, 1 lidet fyrbechen.

*Kobber:* 1 gl slidt kaaberkiædel 5 rd.

*Jern:* 3 gryter, den største verdsett til  $2\frac{1}{2}$  rd, 1 helle, 1 liden pande. Vidare 1 plov med ristel 3 ort, 2 tømmerlenker, 1 jernharv 3 ort, dessutan øksar og navrar. Vidare er nemnt 1 «fyrbørse» og 1 flintbørse  $1\frac{1}{2}$  rd.

*Sengklæde:* Det er i alt 8 dyner, verdsett frå  $3\frac{1}{2}$  rd ned til 1 rd 1 ort. Så er det 2 «hofueddyner» til 2 ort stykket og 8 hodeputer — og 3 gardiner med kappe. Gardiner var nok eit sersyn den gongen, men så var nå Femja av adelsætt veit me. Vidare er det: 6 benkedyner, 10 hynder, 6 teppe, 1 rye.

*Trevarer:* Det er m. a. 3 eikekister a 3 rd, 3 eikeskrin a 1 rd, 1 «flaskefoder» 3 ort, 1 fureseng 1 rd, 2 slagbenker, 1 furubord 3 ort, 1 ditto 3 ort, 1 ditto «paa Gunders cammer» 2 ort. (Gunder og Karen budde på Nærebø alt då.) Stolar og annan husbunad er ikkje nemnt, så dei hadde det nok på bønders vis. Ei «udequern» er set i 4 rd og 1 gl båt i 2 rd.

*Lin:* 1 par laken er verdsett til 3 rd. Dessutan er det 7 andre laken, 4 par putevar og 1 «umage», 3 dreielsdukar a 2 rd. Så er det 3 ringvevde dukar og 1 dreielshandklæde.

Den sal. mands gangklæder: 1 sort klædesklædning 5 rd, 1 lius brun klædeskiortel 2 rd, 1 gl 2 ort, og — 1 rød klædesnattrøye med 31 sølvknapper! Denne blei verdsett til  $4\frac{1}{2}$  rd.

*Garden blir delt.*

Femja Henriksdtr fekk utlagd halve garden ved skiftet i 1692. I 1696 vigier dottera Inger med Anders Pedersen Sangereid. Dei får halve garden til bruk, Gunder Torkelsen og Karen den andre halvparten. Anders Pedersen er 35 år i 1701 og Gunder Torkelsen 44 år. Dei brukar då hver 2 huder, det same i 1706. Anders er då ført opp som eigar av dei 2 hudene, Gunder som eigar av 1 hud 4 ksk. Den eldste av døtrene, Margrete, var som nemnt gm Svend Torkelsen på Lunden, bror av Gunder, og han åtte 8 ksk i Nærebø. I 1713 stemmer Jens Svendsen, son til Svend og Margrete, Gunder Torkelsen og Anders Pedersen «at indrømme 8 ksk gods udi Nærebø for hannem med hvad videre ræt han dertil kan have». Det ser såleis ut til å bli ættestrid om garden, men i retten seinare på året møter Jens og faren saman med Gunder og Anders og dei er då blitt forlikte om at Gunder skal ha 23 ksk i Nærebø «til bestandig odel, eiendom, aasæde og raadighed». Anders Pedersen skal ha 16 ksk «som han hidtil har brugt og eiet», medan Sven Lunden eller sonen Jens skal ha 8 ksk som han har ått til nå. Dessutan har Gunder avstått 1 ksk og  $\frac{1}{6}$  i «myrene», slik at Sven nå får i alt 9 ksk i garden og  $\frac{1}{3}$  i myrane. Dei 7 ksk i *Lunden* som «Gunder til ham afstaaet havde» skal Svend framleis ha til odel og eigedom. Og endelig får Jens av Anders Pedersen den 8. parten av husa i Nærebø som han tilkjem.

Dei må ha ordna dette utan samtykke av svigermora. I 1716 er tinglyst . . . Svend Torkelsen Lunden, Gunder Torkelsen og Anders Pedersen Nærebøes opretted skiftekontrakt over deris vermoders Fimian Hindrichsdatters efterlacte faste gods hvorved de haver tilskiftet dennem hver for sig at skal nyde 8te ksk udi Øfre Nærebø og et halft ksk udi Østervigen.

Men Femja døde først året etter. Ho blei gravlagd 8/10 1717 — 88 år gl.

Jens Svendsen flytta trulig til Nærebø etter forliket i 1713 og det blir då 3 bruk på garden. Men han døde alt i 1719 — 37 år gl. Broren Søren Svendsen Lunden har dette bruket i 1723. Gunder Terkelsen, som han nå blir skreven, døde i 1722. Han hadde ein son Nils som var flytta til Kristiansand og død der før faren. Nils hadde 2 døtre som då var små. Den eldste av dei blei gift med assessor og sorenskrivar Undal. Gunhild Gundersdtr, den eldste av døtrene til Gunder Torkelsen og Karen Pedersdtr, vigde i 1704 med Mads Christensen og dei kom sidan til å overta bruket som var det største i Nærebø. Garden blei delt i 1792, men ætt etter Gunhild og Mads<sup>5</sup> — og dermed også etter Peder Søffrensen og Femja Henriksdtr — sit ennå på bnr 6. Også på bnr 3 — det som Jens Svendsen hadde — er det etterkomarar, medan bnr 1 som Anders Pedersen hadde — gjekk ut av ætta i 1907.

Me skal nå sjå nærare på dei enkelte bruk.

#### Bnr 1.

Dette bruket var på 1 hud 4 ksk i 1713 og har sidan gått udelt frå brukar til brukar, men etter 1900 er fråseld noen stykke. Anders Pedersen Sangereid fekk bruket ved sitt giftarmål med Inger Pedersdtr i 1696. Inger døde i 1722. Dei hadde 4 jenter. Gardjente var Gunvor Andersdtr som i 1720 vigde med Elling Auensen Lunden. Såleis kom ein mann av Dolholt-ætta også til dette bruket, som i 1723 kunne fø hest, 6 naut, 5 sauer og 5 geiter. Utsåd var 3 tn 4 skj. To av søstrene til Gunvor kom til Gitmark. Ane blei gm Michel Jensen og Maren med Peder Knutsen. Anders Pedersen dreiv trulig garden til 1735. Og Elling overtok, men budde på Lunden. Det blei nesteldste sonen hans, Anders Ellingsen, som kom til Nærebø, trulig då han gifte seg i 1748, men

først i 1764 får Anders garden då Elling og Gunvor skifter. Han løyser inn det søskena hadde i 1766. Anders var gm Gjertru Aslaksdtr Dokkedal. Dei hadde bare ein son og ei dotter som levde opp, Aslak f 1750 og Inger gm Lars Jensen Dokkedal.

Ved sk etter Gjertru Aslaksdtr som døde i 1779, hadde Anders 1 hud 4 ksk i Nedre Nærebø, 4 ksk i Øvre Nærebø, 7½ ksk i Dokkedal og 6 ksk i Jaavoll. Dessutan lausøyre for 389½ rd. Etter at det er gått av 3 ksk til follaug — skiftet var først i 1783 — blir bruttoeiga sett til 1424 rd. Anders hadde ikkje gjeld, men det går frå 65 rd i skifte-kostnad. Bare for skiftebrevet går det 4 kyr, 1 stut og diverse lausøyre, m. a. 1 stort spel med forgylt ramme. I alt var det på garden 2 hestar, 6 kyr, 3 kvier, 1 kalv, 3 sauer og 4 geiter.

Aslak Andersen hadde i 1776 vigd med Aase Jensdtr Helleland. Og ho kom nok heller ikkje snau til gards. Aslak Andersen Nærebø er serleg kjend fordi han var ein av hjelpesmennene til Kristian Lofthus. Aase Jensdtr døde i 1802, same året som svigerfaren Anders Ellingsen. Aslak døde i 1804 — 54 år gl.

Anders Aslaksen f 1779 overtok garden etter faren, men fekk først skj av sine søsken i 1816. Han vigde i 1804 med Marthe Olsdtr Nærebø og dei hadde mange born. Først i 1862 — Anders var då 83 år — overdro han halvparten av garden til sønene Aslak og Ole Kristian for 1000 spd. Trass i den høge alderen, ville Anders drive vidare, men han døde same året. Det heiter i kontrakten: Selgeren forbeholder sig og konen brugen av eiendommen i forening med den anden halvdel, hvilken ogsaa efter deres død skal tilfalde begge nevnte deres sønner til lige deling. Saalenge selgeren og hustru lever skal kjøperne i forening med den yngre søn Matias besørge gaardens drift, og erholde alle tre sønner i forening overdraget



Bnr 1 — Salve Lunden. Bak bnr 37 — Christ. Andersen.

2 heste med kjøre- og gaardsredskaber. I 1867 står Aslak og Ole ført opp som eigarar. Bruket har då 78 mål dyrka jord og kan fø 2 hestar, 5 kyr og 10 sauer. I 1875 bur dei tri brørne der, alle ugifte, saman med 2 ugifte søstre. Då hadde dei på garden 2 hestar, 6 kyr, 2 ungdyr og 9 sauer. Utsåden var  $6\frac{5}{6}$  tn korn og 5 tn poteter.

Aslak Andersen som var f i 1815, døde i 1885. Broren Ole Kristian gifte seg i 1890 — 72 år gl — med sin slektning Ingeborg Kristine Aanonsdtr som var 25 år. Ole Kristian døde i 1901 og Ingeborg fekk garden ved testamente. Ho var ei dotterdotter av Jens Aslaksen Nærebø som kom til Øygaren, Haabesland. I 1902 blei ho ved dom tilkjent eigedomsretten. Garden blei då sett i 18 000 kr. Ole hadde før han døde seld frå bnr 18 Karlshola av skyld 20 øre til I. M. Daae på Kaldvell. Ingeborg selde i 1901 frå bnr 24—25, hver parsell med skyld 15 øre. I 1903 selde ho frå bnr 26, Stisåsstykket og Rolfsåsstykket av skyld 20 øre som

Daae fekk for 500 kr., og i 1904 Vesterviken av skyld 20 øre (bnr 28). Ingeborg gifte seg med Martinius Petersen Jaavoll, men då ho på ny blei enke, selde ho garden i 1907 til Knud Andersen Lunden for 16 500 kr. og garden gjekk ut av ætta.

I 1917 selde Knud Lunden garden til sonen Salve Lunden for 20 000 kr. I 1934 blei det fråseld i alt 5 parsellar til Ny Jord, skyld 45 øre. Bnr 1 har då att skyld mk 9.78, har 70 dekar dyrka mark og 1500 dekar produktiv skog. Salve Lunden bygde nye store sætehus i 1918 og uthus 1923. Etter oppg. 1955 er buskapen 10 kyr, hest og noen sauer. Salve Lunden er ein aktiv og interessert oppalar av storfe og har vore mykje nytta som domar ved husdyrsjå og har elles hatt ei mengd kommunale og andre tillitsyrke.

Husa på Nærebø låg før meir samla. Husa på bnr 1 stod nord for Jens Nærebøs gard, rett over vegen der. Husa på Kristian Gitmarks gard låg i same krullen, men på sørsida.

## Bnr 3.

Dette er det bruket Jens Svendsen fekk ved forliket i 1713 og det var då på 9 kalvskind. Etter at Jens var død, brukte Søren Svendsen Lunden eigedomen, trulig til 1732 då Ane Jensdtr, dotter av Jens Svendsen, vigde med Johannes Øvensen frå Øvre Lunden.<sup>6</sup> Heilt sikkert veit me ikkje dette. Johannes sat på Lunden, men har trulig brukt dei 9 ksk i Nærebø til eldste sonen Auen Johannesen flytta dit kring 1756. Johannes Øvensen og Anne Jensdtr skifter i 1773. Då får Auen bruket i Lunden 1 hud 3 ksk til odel og åsæte, og sonen Jens får Nærebø 9 ksk som sitt odels- og åsætesgods med 1 ksk i Viken.

Jens Johannesen gifte seg i 1772 med Ane Christensdtr, dotter av Christen Olsen Øvre Nærebø. I 1783 kjøpte han 8 ksk i Øvre Nærebø med eit kvennebruk for 530 rd. Same året selde han halvparten av denne eigedomen til svogeren Ole Christensen for 265 spd. Dei 4 ksk som var att blei lagd til bnr 3 (lnr 102 a, Øvre Nærebø).

Jens Johannesen døde i 1804 — 69 år gl, Ane i 1810. Ved sk etter Jens hadde han 9 ksk i Nedre Nærebø verdsett til 540 rd, 4 ksk i Øvre Nærebø 240 rd og 1 ksk i Viglen 20 rd, med «indgjæld» tilsaman 1458 rd. Netto 1409 rd, etter at sk.kostnad 48½ rd var drege frå. Skrivaren tok m. a. 1 steinkrus med sølvlok 10 rd og 1 overdyne 12 rd. Buskapen var då 1 hest, 5 kyr, 2 kvier, 4 geiter og 4 sauer med lam. Ved skiftet blei Anne Christensdtr utlagd m. a. 1 dragkiste med lås 7 rd, 1 ku med horn Hjulrei 10-3-0, 1 rød kvie Blomrei 4 rd, 1 liten stut 2 rd, 3 sølvskeier 4½ rd, 1 sølvstaup frå 1733 2 rd. Vidare: 1 sølv hodev.egg 3 rd, 2 et. kakelovn 12 rd, 1 jernslagen karm-slæde 5 rd, 1 fruentimmersadel 2 rd. Det var ein son og 4 døtre som fekk resten av buskapen og sølvet. Christen fekk ein blakk hest for 24 rd og ei ku Terna for 10 rd.

Christen Jensen overtok trulig garden etter skiftet i 1803. Han vigde i 1806 med Ane Andersdtr Gitmark. I 1839 gav Christen og Ane seg i follaug til sonen Jens Christensen. Dei heldt unna eit jordstykke, Østereng, som dottera Alette Kristine fekk for 42 spd 50 sk. Ho var gm Lars Christensen og dei hadde bygd på Østereng, nå bnr 4. Jens skulle betale 737 spd 70 sk for garden, attåt follauget. Christen døde 1849 — 67 år gl. Jens fekk dei 4 ksk i Øvre Nærebø for follauget.

Jens Christensen var gm Susanne Olsdtr Dokkedal. Dei hadde 7 born. Susanne døde i 1851 og Jens gifte seg oppatt med Stine Christensdtr Udjus. Også i dette ekteskapet var det 7 born. Jens døde i 1874 — 65 år gl. Stine flytta til Lunden og døde der i 1881.

Kristian Jensen overtok bruket etter faren, men han døde alt i 1880. Enka selde garden i 1885 til Anders Kristensen Møretro, bror til Jens Kristensen, for 17 200 kr. Sonen Gustav Martinius fekk garden i 1900 for 11 000 kr. Det var tronge tider då og Daae på Kaldvell dreiv og kjøpte opp skog. Martinius selde frå fosserettar av sk 6 øre (bnr 19) og bnr 27 Rolfsåsstykket, Gokjerrstykket og Savedalsstykket av skyld 35 øre til Daae for 1050 kr. Dette var i 1903. Og i 1905 selde han Stiksåsen bnr 29 av skyld mk 1.60 til Daae for 3000 kr. Det var 4 skogstykke og 5 slåttemyrar. Same året selde han Sørenskjærstykket av skyld 15 øre for 400 kr. Og i 1908 selde han Ramselia av skyld 56 øre til Daae for 700 kr. I 1919 blei utskild Vestrevigen av skyld 20 øre (bnr 38) som Reinhardt Jakobsen kjøpte for 3000 kr. Selskapet Ny Jord fekk Austre Stømne av skyld 3 øre i 1934. Bnr 3 har då att skyld mk 5.97.

Sonen Jens Nærebø overtok bruket i 1954 for 23 000 kr. Garden har nå 51 dekar dyrka jord og 800 dekar produktiv skog. Sætehus bygd 1838 i 2 høgder, uthus 1878.

Martinus Nærebø var f 1871 og døde 1956. Han var en føregangsmann i fræavl og ein mann med mange interesser. For sitt arbeid og sin innsats fekk han Aust-Agder Landbruks-selskaps sølvmedalje og fekk og Kongens for-tenstmedalje for sitt virke i jordbruksorga-nisasjonane.

#### *Bnr 4 Østereng.*

Ved oppgjevingsskifte etter Christen Jensen og Anne Andersdtr 1839 fekk dottera Alette Kristine «et av hende og manden bebygget jord-stykke Østerengen til eiendom for 42 spd 50 sk». Alette Kristine vigde i 1830 med Lars Christensen Nærebø.<sup>7</sup> Og dei bygde då på Østereng, men bruket blei ikkje skild ut frå bnr 3 før i 1874. Då fekk Anders Kristian Larsen eigedomen og tok faren i follaug. Lars Christensen hadde etter faren fått 3 ksk i Lunden (bnr 8) av skyld mk 1.88. Dette blei lagd til Østereng. Anders Larsen skj i 1896 eige-domane over til sonen Johan Andersen for 6095 kr. I 1903 gjekk eigedomane over til søstera Alida Longum ved auksjonsskj for 2800 kr. Alida tok faren i follaug. Alida Longum selde i 1906 til Gunder Kristensen Gauslaa for 12 700 kr. Lærer Eilert Aaby kjøpte av buet i 1910 for 8050 kr. Eilert Aaby hadde alt i 1887 kjøpt bnr 7 Lunden av gl skyld 3 ksk, nå mk 1.83, for 2200 kr.

Eilert Klausen Aaby var f i Bamle 1846 og var lærar i Redal. Han vigde i 1875 med Karen Aanonsdtr Nærebø.<sup>8</sup> Born: Klaus 76—96, Kristine Marie 78—97, Anne Margrete 80, Olava 81, Aasta 83, Johanne 85, Tora 87, Aanund 88, Nanna Borgny 90, Karl 92—93. Karen Aaby som var f 1854, d 1892.

Eilert Aaby gav i 1935 skj til sonen Aanund Aaby for 14 500 kr. Aanund Aaby hadde overtatt i 1918 og kjøpte i 1931 bnr 35 Sørenskjær av skyld 20 øre for 950 kr. Bnr 4 har skyld mk 0.48. Aanund Aaby har dreve eigedomen

sidan 1918. Han har mange diplom for fræavl og korn. Eigedomen har 50 dekar dyrka mark og 200 dekar produktiv skog.

#### *Gunder Torkelsens bruk.*

Me såg at Gunder Torkelsen Lunden ved forliket i 1713 fekk 23 ksk i Nærebø til «be-standig odel, eiendom, aasæde og raadighed». Det var største garden i Nærebø etter delinga. Gunder Torkelsen og Karen Pedersdtr hadde bare døtre som levde opp. Eldste dottera Gunhild var som nemnt gm Mads Christensen som var frå garden Birkenes i B. Gunder Torkelsen døde i 1722. Mads Christensen overtok nok garden eit bel etter at Gunder var død. Karen Pedersdtr døde i 1736.

Mads Christensen sat elles ikkje aleine på garden. Ane Gundersdtr vigde i 1723 med Jon Tellefsen Øygarden og dei budde au på Nærebø, trulig til 1756 då han selde 4½ ksk i Nedre Nærebø og ½ ksk i Vigen til «svogeren» Nils Madsen for 166½ rd. Same året selde han 7 ksk til Øven Johannesen Lunden for 233 rd. Jon flytta visstnok til Hesnes i Fjære.

Mads Christensen døde i 1751 — 79 år gl. Noe skifte er ikkje funne, så me veit ikkje hvor stort jordegods han sat med. Nils Madsen vigde i 1741 med Todne Paalsdtr Dokkedal. Han sat med heile bruket, men selde i 1788 til sonen Christen Nilsen 1 hud 6 ksk for 600 rd, men ved sk i 1791 sat han ennå att med 11 ksk, så han åtte meir enn bruket sitt. I 1792 ser me at Christen Nilsen brukar 1 hud 11 ksk. Bruket er såleis ikkje delt sidan 1713.

#### *Dei krangler og driv sak.*

Nils Madsen var oppe i ei rekke rettssaker. I 1753 stemna han «svogeren» Tellef Andersen Solli. Tellef var gm Aase Gundersdtr, søster til mor til Nils, og Aase hadde fått noe i Solli etter foreldra. Med på stemninga var Gunder Jonsen Hesnes, søskenbarn til Nils.<sup>9</sup> I 1757 stemner dei Salve Olsen Solli for eit skog-stykke. Dei ville ha det for 200 furebord som Salve

ikkje hadde levert. Men Salve sa han ikkje var eigar av nemnde skogstykk og Nils fekk bot for unødige trette, og dei måtte betale 4 rd til Salve som kunne føre prov for at borda var levert.

To år før stemna han Marthe Knudsdatter som hadde vore i teneste hos han «for hendes tale og beskyldninger at anhøre vidner og lide straf og undgiældelse». Marthe møtte ikkje. Ho blir sidan dømt då ho ikkje har kunne føre prov for det ho hadde fortalt. Etter det vitna sa hadde ho fortalt siste vår at ho for omlag 1½ år sidan, då ho var i tenest hos Nils, hadde vore med han til «Oldalskiennet kaldet, hvor de havde noget at forrette, og da det var avgjort, fortalte hun at hendes husbonde lette efter noget i eller ved vandet, og omsider fant en hud som hun sagde var av Sven Prossens hest, hvortil hendes husbonde svarede, hvor kan du vide det. Dertil skal Marthe Knudsdatter efter hendes fortælling have sagt, joe hun kan kiende huuden efter di deen var musede, ligesom Sven Prossens hest, da Niels Nærebø sagde til hende, thi stille, jeg skal give dig til et par skoe, og hun hialp hendes husbond huuden hiem.»

I 1767 blir Nils Madsen stemna av Øven og Jens Johannessøner Nærebø, for dei 4½ ksk i Nærebø og ½ ksk i Østre Vigen som Nils hadde kjøpt av Jon Tellefsen. Øven hadde som nemnt kjøpt 7 ksk. Jon Tellefsen brukte 1 hud i Nærebø og Auen og Jens meinte dei var dei næraste til å overta heile dette godset, då dei ætta frå den eldste av døtrene til Peder Sørensen, Margrete gm Svend Torkelsen Lunden, Nils derimot frå ei yngre dotter, Karen Pedersdtr. Den huda som Jon Tellefsen brukte var ikkje utbytta mellom dei nye eigarane, heiter det. Denne saka kjem føre i fleire rettsmøte. Domen går utførlig inn på dei ulike ættelinene. Retten finn at Margrete Pedersdotters line har misst sin rett til godset og saksøkarane må betale 24 rd i sakskostnad.

Saka er ikkje slutt med dette. Neste år stemner Peder Nilsen, med faren Nils Madsen som verge, Øven Johannesen for dei 7 ksk han har i garden. Saka skulle ha vore føre 25. april, men blei då utsett til juni på grunn av «veienes vanskelighed og fremkomstens umu-

lighed», så det må ha vore uvanlig sein vår det året. Saka blei utsett. Det går fram at saka har vore for lagtinget i 1768 som hadde gitt saksøkjaren rett, men Auen og Jens hadde anka til Oberhofretten (i København). Domen fell i 1769. Nils Madsen blir tilkjent løysingsrett til dei 7 ksk. Nils baud elles til forlik slik at Auen og Jens skulle ha att 3 ksk, men det ser ikkje ut til at dei gjekk med på det.

Men ennå er det ikkje slutt med rettsakene. I 1770 stemner Nils Madsen Øven og Jens Johannessøner til å betale 24 rd etter lagtingsdom av 12/11 1768. Anken til lagtinget må såleis ha vore for den første saka. Også denne saka blir utsett. Procurator Borthig førde saka for Auen og Jens og påstod at saka var oppgjort og forlikt og då måtte og sakskostnaden falle bort . . . og paastod hans fattige principaler for deres bekjendt trættekjære modstanders søgemaal aldeles frie og sagesløs finde, heiter det. Procurator Ohnsorg krev dom på vegne av søkjaren.

#### *Ei markegangssak med forviklinger.*

Det held fram med rettssaker på Nærebø med opphav i dei odels sakene som er nemnt. Ved dom i Oberhofretten og ved «hiemttingsdom» er Nils i 1770 tilkjent 24 rd i kost og tæring. På den andre sida har Auen ein dom på Nils om ei eksekusjonsforretning, også frå 1770. Nils hadde kravd arrest i tømmer som var hogge på eigedom han blei tilkjent løysingsretten til. Nils får ikkje medhald i retten. Peder Nilsen og Nils Madsen må betale for tømmeret og dessutan 24 rd som «satisfaction». Det som var hogge var 1 romsbjelke, 4 bundstokker, 1 tylft 4 st sittere,<sup>10</sup> 1 tylft knær, 1 tylft 4 st tømmer, alt av eik. Vidare: 1 tylft 8 st furu- og granebjelker, 8 st «saugtømmer» og 10 «sittere».

I 1778 stemner Nils Madsen og Anders Ellingsen Jens Johannesen for ulovlig hogst. Saka blir utsett og kjem føre på ny og det er lang og vidløftig prosedyre. I 1779 blir saka vist til åstadsrett. Det blir markegangssak i 1780 og her logar den gamle grannestriden oppatt. Procurator Ohnsorg fører saka for Nils og Anders, procurator Brandt for Jens. Det er bytet i skogen striden gjeld. Nils og Anders meiner Jens har hogge ulov-

lig. Dei har fått lieutenant og landmaalingsconducteur Michael Rossing til å take eit «situations carte» av skogen. Og dette kartet blir lagt fram. Brandt protesterer så det kostar etter. Kartet er tatt «efter en av citanterne selv oppgaven strækning». Dette bytet går heilt utanfor det som frå gamalt har vore. Hans part ville ikkje vere med på synfaring og protesterte på ny mot kartforretninga som var fremja bare med slektsvitne.

Ohnsorg fører så desse vitne som blir med på synfaringa: Gunder Jonsen, 49 år, buande på Hesnes, søskenbarn til Nils, Tellef Jonsen Hesnes, 45 år, bror til Gunder. Vidare Øven Ellingsen Lunden, 59 år, Peder Ellingsen Frivoll, Aanon Ellingsen Svennevig og Henrik Ellingsen Morholt, 43 år, alle brør til Anders Ellingsen Nærebø.

Dei dreg på skogen til «Bradsberg myr hvis begyndelse er omtrent  $\frac{3}{8}$  miil her fra gaarden». Bekken gjennom myra blei vist som bytte mellom eigedomane. Bytet gjekk ut frå ein stокk som sto ute i lona. Anders åtte på vestsida, Jens på austersida, sa vitna. Bytet gjekk så gjennom Bratsbergdalen. Det var 12 merke frå Lona til punkt M i Lille Lindalen. Alt på vestsida høyrde til Anders Ellingsens bruk, sa vitna.

Etter at retten er komen tilbake og det er ført inn at dom i saka skal stå ut til haustinget, blir det eit heilt oppstuss. Procurator Brandt og Jens kjem først då tilstades og dreg tilfelt mot retten. Dei hadde venta at retten skulle kome tilbake og bli sett på lovlig vis . . . her hiemme paa gaarden hvor rettens behandling maa determineres og efter at sorenskriveren med lavrettet var kommet tilbake ingen rettesbehandling her i huset sadt, men lavrettet i neste Anders Ellingsens hus med flere der at nyde sin pleie i mad og drik, ligesom og den citantens fuldmægtig og den constituerede sorenskriver her i Nils Madsens hus sidde tilbords med the wands drik som endnu findes tilsyne ved siden av protocollen . . . Sjølv sat dei hos Jens og skrivaren har ikkje gjort det minste for å varsle dei om at saka held fram, seier Brandt, og det skal nok bli kjent, serlig om det vert nekta han å føra sitt forsvaret og legge fram «lovforenlig situations carte». Han krev i det minste utsetting i 2 månader. Ohnsorg kravde dom «øieblikkelig», men retten tar avgjerd at saka skal stå ut. Noe seinare på hausten blir så retten på ny sett på Nærebø. Saka gjeld egentlig «7 stykker egetrær» som Jens skal ha hogge, men Jens blir frikjent for ulovlig hogst. Og han slepp sakskostnad.

Derimot stadfester retten bytelina som dei gjekk opp. Og dermed ser det og ut til å vera slutt med den langvarige grannestriden på garden.

#### *Garden blir delt.*

Nils Madsen hadde 5 søner. Den eldste, Mads, døde i 1764, den nesteldste, Peder, i 1779. Same året døde den yngste av sønene Nils, 20 år gl. Den tridje sonen, Paal, var gm Ingeborg Sivertsdtr Imenes. Ein son Nils 1780. Paal, eller Povel som dei skreiv, døde i 1782 — bare 32 år gl.

Det blei Christen, den 4. av sønene, som overtok garden. Han var f 1754 og vigde i 1788 med Anne Larsdtr Inntjore. Dei fekk 11 barn og 10 levde opp. Christen brukte 1 hud 11 ksk i 1792 og sådde 1 tn rug, 6 tn bygg med avling 30 tn, og sette  $\frac{1}{8}$  tn poteter.

I 1798 blir garden delt i 2 like store bruk mellom Christen Nielsen og brorsonen Nils Paulsen. Nils var då 18 år. Mora Ingeborg Sivertsdtr hadde gift seg oppatt med ein Hans Nilsen og dei hadde i 1801 borna Guri, Povel, Hans og Margrete. Christens bruk blei det seinare bnr 6, Nils fekk bnr 7, hvert bruk 11  $\frac{1}{2}$  ksk.

#### *Bnr 6.*

Christen Nilsen døde i 1820. Han hadde kjøpt 3 ksk i Jaavoll og hadde også jord i Einertrø. Den eldste av sønene, Nils, fekk halvparten av farens bruk i Nærebø i 1823. Resten fekk han først i 1851 då mora Anne Larsdtr var død. Brørne Aanon og Peter kom til Jaavoll, Lars til Østereng. Han fekk jorda i Einertrø.

Nils Christensen var gm Ane Olsdtr Dokkedal. I 1854 skj Nils over halve garden til sonen Christian for 700 spd. Ane Olsdtr døde det året. Nils døde i 1856 — 60 år gl. Ved sk same året blei halve garden utlagd til sonsonen Gustav Martinius Olsen for 862  $\frac{1}{2}$  spd. Faren

Ole Nilsen Nærebø var død i 1852, bare 26 år gl. Ole var gm Maren Kristine Gjerulsdtr Hørte. Ho gifte seg oppatt i 1854 med Anders Kristensen Møretro. Christian Nilsen fekk kjøp på den andre halvparten av garden i 1859 for 1200 spd. Han var 1. g gm Gunhild Kristine Nilsdtr Havstad, 2. g med Johanne Kirstine Olsdtr Udjus. Han døde i 1889 og Johanne sat så med garden heilt til 1919 då det er tingl. skj til sonen Gustav Martinius for 15 000 kr. Han selde garden i 1937 til søstersonen Kristian Nærebø Gitmark for 20 000 kr. på visse vilkår.

Frå bnr 6 blei det i 1934 fråseld 5 parseller av skyld 5 øre til selskapet Ny Jord. I 1936 blei fråskild Skrubbedalsstykket bnr 58 av skyld 80 øre som Gustav Nilsen selde til Lars Torp for 3480 kr. Bnr 6 har nå skyld mk 6.41, har 55 dekar dyrka mark og 400 dekar produktiv skog. Sætehus bygd 1877 i 2 høgder, modernisert 1953. Uthus 1877. Nytt fjøs 1920.

Husa stod før like ved garden til Martinius (Jens) Nærebø.

#### Bnr 7.

Nils Paulsen blei ikkje sittande lenge med egedomen han fekk ved delinga i 1798. Alt i 1801 selde han til Ole Christensen Øvre Nærebø for 1620 spd. Farbroren Nils Christensen la straks odelssak og fekk stadfest hogstforbod same året. Det galdt 11 ksk i Nedre Nærebø, 1½ ksk i Øvre Lunden og 1 ksk i Vigen. Men det blir ikkje noe av odelsløysinga. I ei rettssak i 1811 blir det opplyst at Christen fann prisen for høg. Men i 1811 får han på vegne av sonen stadfest eit nytt hogstforbod og nå blir det odelsløysingssak. Retten kjem til at Christen ikkje lenger har noen løysingsrett og hogstforbodet blir tatt bort. Under saka blir det spurd etter Nils Paulsen, men ingen visste hvor han var, eller om han var i live. Det blir opplyst at det var Anders Halvorsen (Beis-

land), svigerson til Ole Christensen, som hadde brukt dette jordegodset, men han var flytta frå då saka var føre.

Me finn ikkje noe tinglyst om denne egedomen mellom 1801 og 1855. Då får enka etter Øven Olsen, Tarjer Baardsdtr, utlagd 5¾ ksk for 747 spd. Same året er det delingsforretning. Ole Øvensen blir utlagd 8½ ksk og Tarjer Baardsdtr 3 ksk. Øven Olsen f 1777 d 1854, var son til Ole Christensen. Ole Kristian Øvensen f 1815. Før Øven døde hadde han gitt Ole Kristian skj på 6 ksk for 700 spd. Ole Øvensen sat med dei 8½ ksk til 1868. Då skilde han ut og selde frå 6 ksk til Ole Knutsen (Midstu). Han sat då att med bare 2½ ksk og selde i 1877 til svogeren Lars Christensen Udjus. Lars Christensen og brørne hans selde egedomen i 1885 til Thor Olsen for 3316 kr. Tor var frå Aarrestad i Time f 1840 og gm Tilda Olsdtr, dotter til Ole Kristian Øvensen og Aase Christensdtr Udjus.

Tor Olsen selde i 1902 til Olaf Gundersen for 5500 kr. Samtidig selde han Stisvold bnr 21 av skyld 30 øre som han hadde kjøpt i 1900, utskild frå bnr 11. For denne egedomen som sidan har fylgd bnr 7 fekk han 700 kr. I 1903 selde han bnr 24 Stisvoll av skyld 15 øre for 400 kr. Denne teigen var gått ut frå bnr 1. Olav Gundersen kjøpte i 1902 bnr 23 av skyld 1 øre for 300 kr. Denne teigen gått ut frå bnr 10. I 1906 selde han til Lars A. Midstu for 8700 kr. Han selde i 1911 til Ole Andersen Haugland for 8400 kr. Ola Haugland selde i 1917 til Ole O. Lauvrak for 9000 kr. I 1934 blei det fråskild til Ny Jord 3 teigar med skyld 3 øre. Bnr 7 har då att skyld mk 1.53. I 1936 er tinglyst at Johan Johannesen har heimel til egedomen. Han skj i 1949 over bnr 7, 21, 23, 24 og 41 til sonen Jonn Johansen for 26 750 kr. på nærare fastsette vilkår.



Eigedomen har 27 dekar dyrka mark og 250 dekar produktiv skog. Sætehus i 2 høgder bygd ikr 1750, modernisert 1948. Uthus 1925.

#### ØVRE NÆREBØ

Medan Nedre Nærebø midt på 1600-talet blei samla til eit bruk, var det 3 hovedbruk på Vestre eller Øvre Nærebø midt på 1600-talet, hvert bruk på 1 hud 4 ksk. Men det eine bruket hadde nok brørne Auen og Gram Povelssøner og det blei sidan delt i 2 med 8 ksk på hvert bruk, slik at det er 4 bruk i 1701.

På alle bruk på Øvre Nærebø finn me kring 1660 etterkomarar etter Torgie på Nærebø og Margrete Toresdtr som er nemnt i 1587, og trulig død på den tid. Ouden (Torgiesen) som er nemnt som lagrettemann i 1691 må vere død før 1610. Han hadde sønene Torgie og Paal (Pofuell) som kom til Nærebø, Jens som kom til Morholt og Elling. Torgie sat med 1½ hud 1 ksk i 1643. Han må vere død kring 1646, for i 1647 står Ellenne Neerbø<sup>11</sup> og hendes medeiere oppført for dette godset.

Landkom. 1661 fører opp at Øffuen Torgesen med sin svoger Peder Jacobsen eig 1 hud 4 ksk som Auen brukar. Vidare eig Øffuen og Gram Pofuellssønner 7 ksk og leiger av Joen Wetteland 3 gsk. Dette blir tilsaman 1 hud 4 ksk. Det tredje bruket har Øffuen Jensen som eig 4½ ksk, leiger av sin bror Gunder Jensen 2¼ og av Jon Wetteland 3 gsk. Dette blir og (omlag) 1 hud 4 ksk. Desse brukarane er alle sonessønner til Torgie på Nærebø.

På Øvre Nærebø finn me i 1664: Øyen Povelssen 54 år, Øyen Jensen 37 år, Elling Torchildsen 30 år og Gram Pofuellsen 50 år. Elling er ny mann på garden. Han var av Dolholt-folka på Lunden og gifte seg nok med enka etter Auen Torgiesen. Elling åtte i 1668 «paa quinde og børns vegne» 1 hud ¼ ksk og brukte 1 hud 4 ksk. Auen Jensen er død og det er ein Tollef som har dette bruket då.

Auen Paalsen brukar 1 hud 2 ksk, og Guri, som var enke etter broren Gram, brukar 2 ksk.

1701: Jens Øvindsøn 1 hud 4 ksk, Tergie Bjørnsen 1 hud 4 ksk, Marithe Gramsdaater 8 ksk og Tergie Berentsøn 8 ksk. Tergie Bjørnsen hadde fått bruket etter Elling Torkelsen. Han var gm Elen Auensdtr Lunden, ei dotter av Auen Ellingsen. Tergie Berentsen var frå Øvre Lunden og gm Anne Øvendsdtr Nærebø, trulig dotter av Auen Torgiesen. Marthe var dotter av Gram Paalsen og sat som enke i 1701. Ho hadde vore gm Hallstein Clemetsen Dokkedal.

Sidan 1701 har det vore mykje omskifte i dei bruk som er nemnt. Terje Bjørnsens bruk er blitt oppdelt, noe er gått til Nedre Nærebø, noe til dei andre bruk i Øvre Nærebø. Det einaste me kan fylgje noenlunde udelt er Jens Auensens bruk,

#### Bnr 9.

Jens Auensen sat som nemnt med dette bruket i 1701. Han døde i 1730 og garden gjekk over til sonen Auen Jensen f 1703. Jens åtte garden 16 ksk ved sk 1731. Buskapen var 4 kyr, 2 kvier, 6 sauer, 5 geiter og hest.

Auen Jensen var gm Gunhild Svendsdtr Lunden. Tri søner døde i yngre år. Ei dotter Aashild gm Jon Jonsen Dolholt. Auen døde i 1769. Også han åtte 1 hud 4 ksk i garden, dvs. heile bruket. Gunhild Jonsdtr Dolholt var gm Jon Aanonsen Torp. Dei kom til Nærebø i 1781 og overtok nok då garden. Gunhild Svendsdtr d 1783. Dotterborna frå Dolholt arva det ho åtte. John Aanonsen døde i 1831 — 82 år gl, Gunhild Jonsdtr i 1846. Eldste sonen Aanon overtok garden. Han gifte seg i 1818 med Gunhild Nilsdtr som var enke etter farbroren Tor Aanonsen. Han var 37, ho 47 år, men ved giftermålet fekk han 6 ksk i garden ho sat med etter mannen, det gamle bruket til Terje Berentsen. Dette bruket var

blitt auka til 1 hud og det blei delt i to i 1838. Dei 6 ksk som Aanon hadde fått med kona lnr 105 a blei slått saman med lnr 101 a som var 1 hud 4 ksk til eit bruksnr. Aanon Johnsen døde barnlaus i 1868. Då blei garden delt. Det blei fråskild 10 ksk til Aanon Gunerius Andersen og John Andersen. Resten 1 hud fekk Lars Johnsen Lunden, brorson til Aanon, for 4575 spd.

Eilert Aaby fekk sidan denne eigedomen. Overdraging er ikkje tinglyst. I 1910 gjev Eilert Aaby skjøte, vedtatt av Lars Johnsen, til Otto og Knut Birkenes for 16 000 kr. Dei hadde kjøpt garden i 1908. Otto Birkenes f 1887 i B. gm Johanne Matiasdtr Møretro dreiv garden til sonen Hans Magnus overtok i 1956 for 53 300 kr. på nærare fastsette vilkår. Knut gav broren Otto skj på halvparten av eigedomen i 1955 for 9800 kr. Frå dette bruket blei i 1909 fråskild bnr 35 Sørenskjær av sk 27 øre. Aanund Aaby har denne teigen. I 1934 blei til Ny Jord seld 2 parsellar med samla skyld 6 øre.

Bnr 9 har nå skyld mk 7.99, har 72 dekar dyrka mark og 500 dekar produktiv skog. Sætehus bygd 1878, ombygd 1951. Nytt uthus 1909.

#### Bnr 10.

Ved deling av bnr 7 i 1855 sat Tarjer Baardsdtr att med 3 ksk. I 1865 skilde ho frå  $\frac{3}{8}$  ksk som Aanon Olsen fekk. I 1868 selde ho det ho hadde att til Aanon Gunerius Andersen<sup>12</sup> for 540 spd, med rett til å bu på bruket så lenge ho levde. Same året fekk Aanon Gunerius Andersen ved deling av bnr 9, Øvre Nærebø lnr 101 b, 105 a, og John Andersen 105 c. I 1877 blei alt dette slått saman til bnr 10 av skyld mk 9.08. I 1901 blei til Olaf Gundersen fråskild bnr 23 av skyld 1 øre.

Aanon Gunerius delte garden i 1916. Parsellen Egelund blei utskild med skyld mk 4.50.

Sonen Ole Nærebø fekk det gamle hovedbruket for 14 000 kr.

Bruket har skyld mk 4.55 etter at det i 1934 blei fråskild 2 parsellar til Ny Jord, har 50 dekar dyrka mark og 200 dekar produktiv skog. Sætehus bygd 1872, ombygd 1949, uthus også bygd 1872.

#### Bnr 37 Eikelunden.

Aanon G. Nærebø selde denne eigedomen til sonen Ivar Andersen Nærebø i 1917 for 8000 kr. Ivar testamenterte i 1925 eigedomen til søstera Gunda gm Nils Bakken. Dei selde i 1931 til Christian (Christ) Andersen for 22 000 kr. I 1934 blei fråskild til Ny Jord 3 teiger: Sletteslåtta, Lilleslåtta og Jordåsmyra av skyld 2 øre.

Bnr 37 har nå skyld mk 4.48, har 50 dekar dyrka mark og 500 dekar produktiv skog. Sætehus bygd 1925, modernisert 1949, uthus 1920.

#### Bnr 11.

Me såg at det eine av dei tri hovedbruk, det som Gram og Auen Paalsen hadde, i 1701 var delt mellom Marthe Gramsdtr og Tergie Berentsen som hadde 8 ksk hver. Marthe døde i 1714. Ved sk var det 5 kyr, 1 kvie, 1 kalv, 3 sauer, 4 geiter, 2 gjeldbokkar og noen lam og kje, dessutan 1 «sugesvin», 2 griser og hest. Mannen hennar, Halstein Klemetsen som var frå Dokkedal, var det sk etter i 1701. Den eldste av sønene, Paal, kom til Lunden og Dokkedal, den nesteldste, Auen, fekk Nærebø.

I 1723 møter Øwen Hallstensen Øvre Nærbø i retten og bed seg fritatt for skatt, då garden har brunne. Han fekk ingenting berga . . . og beklageligt foregaf at hans huus og hiem paa dito Nærebø indeværende aar, sidst avvigte faste, fredagen efter kyndelsmisse ved uløchelig ildebrand var afgaaen, saaledes at han med sin hustrue i deres fraværelse iche fik mere berget af deres eieende midler i huuset end hvis de hafde paa deris lif, heiter det.

Auen var gm Ane Olsdtr Vatnestrand. Dei hadde tri døtre. Den eldste, Marthe, vigde i 1747 med Christen Olsen Østerhus. Far hans, Ole Aagesen, var komen frå Lia i B.<sup>13</sup> Auen og Ane gjev seg i follaug til Christen og Marthe i 1754. Christen skal ha 3 ksk for follaug et og det dei let etter seg av lausøyre og klæde. Namnet er i rettsboka skreve Ouveu, ikkje Øven eller Øfuen som tidligare.

Christen og Marthe hadde 4 søner og ei dotter, Ane. Ho blei gm Jens Johannesen Nærebø. I 1791 gav dei seg i follaug til sonen Clemmed Christensen som skulle få 5 ksk for follaug et, men i 1792 er det Ole Christensen som er brukar og han sit då med ei hud. Dei 4 ksk var nok komne frå det tridje hovedbruket, det som Elling Torkelsen hadde og som Terje Bjørnsen sat med i 1701. Det blei delt i tri i slutten av 1770-åra. Christen Olsen fekk bruket i 1819. Han betalte bare 200 spd for 10 ksk og 2 ksk skulle han ha for follaug et. Ole døde i 1822 — 70 år gl. Han kjøpte i 1801 det seinare bnr 7 i Nedre Nærebø. Det fekk sonen Øven Olsen. Ole Christensen sat au med 3 ksk i Lunden. Også dette fekk Christen for follaug et. Christen gifte seg i 1818, 45 år gl, med Karen Andersdtr Udjus som var 18 år. Dei fekk to døtre, Ane Margrete gm Aanon Aanonsen Jaavoll og Marte Kistine gm Matias Knudsen Midstu. Då Christen Olsen døde i 1856 fekk Aanon Aanonsen garden. Aanon Aanonsen døde 1870 — 53 år gl.

I 1886 blei dei tri ksk i Lunden utskild som eige bruk som Eilert Aaby kjøpte. Eilert Aaby var gm Karen, dotter til Aanon og Ane Margrete.

I 1887 fekk Aanon Aanonsen d.y. skj på bnr 11 som då hadde skyld 8.51, for 12 000 kr. Han skilde i 1895 frå bnr 16 Indre Vigen av skyld 95 øre. Karl Nilsen Udjus fekk skj i 1902 for 1800 kr. I 1900 blei fråskild bnr 21 Stisvold av skyld 30 øre (sjå bnr 7) og

Sørenskjær bnr 22 av skyld 20 øre. Dette stykket fekk Karl Nilsen for 1050 kr.

Aanon selde garden i 1913 til Kittel Knutsen frå Froland for 11 000 kr. I 1929 gjekk garden til sonen Tellef K. Nærebø for 20 800 kr. I 1934 blei fråskild Stormedalsslåtta av skyld 6 øre til Ny Jord. Tellef selde i 1951 til Trygve Stien frå Birkenes for 50 000 kr. og føderåd.

Bnr 11 har skyld mk 7.00, har 57 dekar dyrka mark og 800 dekar produktiv skog. Sætehus i 2 høgder. Nytt uthus 1918.

#### *Bnr 12 og 13.*

Dette bruket er slått saman av partar frå Øvre og Nedre Nærebø. Me må her gjere greie for det bruket på 8 ksk som Tergie Berentsen sat med i 1701. Bruket gjekk i 1726 til sonen Øven Terjesen og frå han til Terje Øvensen, som døde i 1774. Han var gm Maren Jensdtr Helleland og ho gifte seg oppatt med Tor Aanonsen Torp i 1775. Tor sat med 1 hud, då det også til dette bruket var lagt 4 ksk frå det oppdelte hovedbruket som Terje Bjørnsen hadde i 1701. Tor Aanonsen døde i 1816 — 79 år gl. Han var 2. g. gm Gunhild Nilsdtr Havstad. Ho gifte seg oppatt med Aanon Johnsen Nærebø, brorson til første mannen hennar. Sjø bnr 9. Sonen Aanon Torsen døde i 1826, bare 25 år gl. I 1838 blir garden 1 hud delt i to like store partar mellom Aanon Johnsen og Ole Knudsen Midstu.

Slik var husa på garden i 1816: Stue med enkel kakelovn, et kammers med skorsten, 1 kjøkken med skorsten og bagerovn, alt bordklæd og tegltækt. 2de stolpehuser, 1 stald og staldløy, 2de fæhuser, 3 løer og 1 laave, 1 badstue, alt tegltækt. Waaningshusene består av 2 et. høide.

Aanon Torsen hadde i 1834 vigd med Johanne Kristine Jonasdtr Vatne. Han døde som nemnt i 1836 og året etter gifte Johanne seg med Ole Knudsen Midstu som då kom til Nærebø. Og «enkemennene» delte som nemnt garden. Dei delte også Syndlesøyna som Tor

hadde ått og Fladen. Alsøya finn dei ut høver ikkje til deling. Dei skal bruka jorda der hver sitt år. Det kan nemnast at hovedbruket i Nærebø i 1816 blei sett i 480 spd, Syndlesøyna i 90 og Alsøya i 20 spd.

Her er noen åkernamn av det som Ole Knudsen fekk: Enghaug-ager, Hauge-ager, Pilteigen. Eng: Femskillingsstykket, Rønningen, Rodveltstykket (med plass). Skog og utmark: Vindelbrødet, Bjelkemyrsmønen, Guldhølm, Loftskjerrstykket, Stiksaasen, Ramseli, Sjaa op aasen (!) (også nemnt Sjaasaasen), Suggebokken, Enerfjellet, Kjønæsstykket, Vardalsbrødet.

Til Aanon Johnsens bruk gjekk m. a. åkrane Hampeteigen og Lille Hampeteigen. Eng: Stubbefidjen, Melandsvøllen, Trihyanna, Lille Langefed, Lange Langefed, Holmen og Terjes Rynning (Langefedkrogen). Skogstykket 9 kalvskinnstykket som hovedbruket åtte  $\frac{1}{9}$  av, blei felles for begge bruk, likeins bubeitet.

Ole Knudsen la til 3 ksk i Einertrø (lnr 96 b) og lnr 104 som var på 4 ksk. Dei 6 ksk i hovedbruket fekk 105 b, vidare 106 b, Alsøya som nok sidan blei delt, for bnr 9 har lnr 106 a (og 105 a). I 1868 kjøpte Ole 6 ksk av bnr 7 Nedre Nærebø og slo det han då hadde saman til eit bruk i 1873. I 1879 skj Ole garden over til sonen Carl Johan Olsen for 15 000 kr. I 1888 blei fråskild lnr 96 b Einertrørynningen som fekk bnr 15 og skyld mk 1.12. Aanon Olsen Midstu fekk denne egedomen. Fekk skj av Ole Knudsen i 1895 for 1000 kr. Skyld mk 1.12.

Ved sk etter Karl Johan Olsen i 1902 blei garden utlagd Ole Johan Karlsens bu for 19 500 kr. I 1906 blei fråskild bnr 31 Vesterskogen av skyld mk 1.93. Gjekk til Kalvild Træsliberi i 1907 for 3500 kr. Vidare blei fråskild Søndrevigen av skyld mk 0.50. Dette fekk Karl Nilsen Viken for 2000 kr. (bnr 32). Alsøya bnr 33 av skyld mk 0.45 gjekk til Nils og Tellef Abrahamssøner for 2000 kr. Anders og Yngvar

Inntjore fekk denne egedomen i 1947 saman med bruket i Dokkedal. Etter desse fråsal har egedomen skyld mk 8.00.

Garden blei seld ved auksjonsskj i 1907 til Ole Knudsen Nærebøs dødsbu for 18 210 kr. Same året overtok Jensine Rosholt for 14 440 kr. Og nå kom garden på handel. Jensine Rosholt selde i 1910 til Sven Vraalsen Espestøl for 19 000 kr. Lars Nilsen Nærebø fekk kjøp på egedomen i 1920 for 22 000 kr. Han selde i 1923 til Øven Bjørnetrø frå Fjære for 41 800 kr. Øven Bjørnetrø selde i 1926 til Torleif Jensen for 40 000 kr. I 1932 gjekk garden for 20 000 kr. til Tordis Margrethe Tjønntvedt. Frå garden blei i 1934 fråseld 3 parseller til Ny Jord, skyld 8 øre. Tordis og Hallvard Tjønntvedt budde der ei tid, men overtok sidan Hesthagen. Tordis Tjønntvedt selde garden (i 1948) til Magnus Kalvehagen.

Bnr 12—13 har 70 dekar dyrka jord og 800 dekar produktiv skog. Sætehus i 2 høgder bygd 1800, uthus 1850.

#### *Bnr 2 Viken.*

I 1845 selde Aanon og Peter Christenssøner sin part av Viken 3 ksk til Clemet Andersen. John Knudsen Udjus sat med denne egedom i 1867. Egedomen har lnr 97 b, 98 b, 99 b og 100 c og er såleis gått ut frå Nedre Nærebø.

Anton Jakobsen Liene<sup>14</sup> fekk auksjonsskj i 1888 for 2250 kr. I 1890 blei fråskild Lauvnes bnr 14 av skyld 5 øre og i 1899 bnr 17 av skyld 30 øre. Dette bnr har Jens Terjesen Sandkjær. Rakel Jakobsen, enke etter Anton, fekk uskiftebrev i 1915. Ho selde i 1942 til sonen Abraham Viken for 6400 kr. på nærare fastsette vilkår.

Egedomen har skyld mk 2.13, og har 30 dekar dyrka jord. Sætehus og uthus bygd 1870.

#### *Bnr 5 Lauvnes*

selde Anton Jacobsen Liene i 1890 til Aanon Andersen Lunden for 1000 kr. Aanon Andersen

selde i 1922 til Sigurd Leonard Henriksen for 5000 kr. Gunda Aanonsen kjøpte i 1930 for 6450 kr. Torjus O. Udjus fekk skj i 1935 for 3500 kr. Han selde i 1940 til Gunhilde og Matilde Tyssekil for 4000 kr.

*Bnr 16 Viken*

av skyld mk 0.95 blei utskild frå bnr 11 i 1895. Karl Nilsen Udjus fekk skj på eigedomen i 1902 for 1800 kr. Same år kjøpte han bnr 22 Sørenskjærstykket av skyld 20 øre for 1050 kr. Dette er også gått ut frå bnr 11. I 1906 blei frå bnr 12—13 utskild «Søndrevigen» bnr 32 av skyld mk 0.50 som Karl Nilsen kjøpte for 2000 kr. Hus blei bygd 1905. Karl Nilsen selde i 1916 til Gjerulv Thorsen<sup>15</sup> for 13 000 kr.

Eigedomen har 30 dekar dyrka mark og 70 dekar produktiv skog.

*Bnr 25 Vesterviken*

av skyld 15 øre blei utskild frå bnr 1 i 1901. Andreas Aslaksen Møretro betalte 900 kr. for hver teig. Han selde i 1916 til Gunni Berglund for 2000 kr. Gunni Berglund selde i 1919 til Ingemann Dolholt. Han kjøpte til bnr 20, eit stykke av skyld 3 øre som var gått ut frå bnr 3. I 1929 selde han til Marte, Aase og Karen Nærebø for 9000 kr. Foreldra deira var Inger og Kittel Knudsen frå Froland som hadde bnr 11.

Eigedomen har 23 dekar dyrka mark. Sætehus bygd 1900.

*Bnr 34.*

Frå bnr 3 blei i 1908 fråskild Ramselia av skyld mk 0.56. Daae kjøpte eigedomen for 700 kr. Han selde m. a. denne eigedomen i 1917 til Terje Kristoffersen. Lars Kristoffersen Holmen fekk skj på eigedomen i 1919 for 2200 kr. Han fekk i 1912 skj på bnr 30 Sørenskjærstykket som var skild ut frå bnr 3 i 1905. For dette betalte han 400 kr.

Eigedomen har 12 dekar dyrka mark. Sætehus bygd 1903, ombygd 1947. Uthus 1903.

*NYGRENNA*

Selskapet Ny Jord, Oslo kjøpte i 1934 Nærebømyrane med noe skog til frå eigarane i Nærebø. Som ein vil ha set blei det fråskild ei mengd parsellar. Noe blei og utskild frå Beisland. Alt blei slått saman til eit bruksnr, bnr 42 *Stømne* av skyld mk 2.09. Dette blei så delt opp i 6 bruk: Stømne, Sørheim, Breivoll, Mofjell, Jordås og Nordli. Og det er her reist like mange nye heimar.


*Stømne* bnr 42 av skyld mk 0.26 kjøpte Aanund Lauvrak i 1936 for 1000 kr. Han har også skogstykket Klområsen som gjekk ut frå bnr 10 i 1865, skyld 26 øre. Han har også bnr 39 av skyld 13 øre. Desse eigedomane kjøpte han av Ole Olsen Lauvrak i 1948 for 4000 kr. Bruket har 24 dekar dyrka mark og 200 dekar produktiv skog. Sætehus bygd 1935, uthus 1937. Før 3 kyr, 8 sauer og hest. Aanund Lauvrak er f i Vegusdal i 1906.

*Sørheim* bnr 53 av skyld mk 0.35 kjøpte Sverre Beisland for 1400 kr. og bygde der i 1937. Han døde i tysk fangenskap. I 1951 selde Magnhild Beisland eigedomen til Omund Gusdal for 20 500 kr. Han selde i 1954 til Helge Hørte for 35 000 kr. Sørheim har 17 dekar dyrka mark og 50 dekar produktiv skog.

*Breivoll* bnr 54 av skyld mk 0.28 kjøpte Håkon Birkedal i 1937, bygde sætehus året etter og uthus 1939. Bruket har 33 dekar dyrka mark og 100 dekar produktiv skog.

*Mofjell* bnr 55 av skyld mk 0.42 kjøpte Oddmund Mofjell i 1936 for 1600 kr. Han bygde sætehus i 1937 og uthus 1938. Bruket har 27 dekar dyrka mark og 80 dekar produktiv skog. Anders Salvesen kjøpte bruket i 1954 for 30 000 kr.

*Jordås* bnr 56 av skyld mk 0.39 overtok Olaf



*Nygreenna  
— før bare myr, nå  
åker og eng og mange  
nye heimar.*

Thompson i 1936 for 1400 kr. Sætehus bygd 1937, uthus 1938. Han selde i 1941 til Thorleif Jensen for 12 000 kr. I 1947 kjøpte Kristen Gusdal for 18 000 kr. Bruket har 50 dekar dyrka mark og 100 dekar produktiv skog.

*Nordli* bnr 57 kjøpte Aanon Konnestad i 1936 for 1500 kr. Sætehus bygd 1937, uthus 1938. Han selde i 1945 til Tellef Gautestad for 16 700 kr. Trygve Birkedal kjøpte bruket i 1949 for 26 000 kr. Bruket har 40 dekar dyrka jord og noe skog.

#### *Neerbø saug*

er nemnt i 1610 med skatt 2 dl. Det er skore 200 «deller». I 1658 brann ei sag ved Stigsbru. Peder Søffrensen åtte då saga, og ho blei nok bygd oppatt, for Landk. 1661 fører opp under Nedre Nærebø: En saug som ligger een miil fra gaarden, og iche kan scheris mere paa end til husbehoff.

Om skogen heiter det i 1668: Skouff til stol-

per og smaalast. Dette gjeld Nedre Nærebø. Øvre Nærebø: Skouff av eeg og furre til smaalast.

Etter matr 1723 har dei på Nedre Nærebø maadelig skov til smaalast, men bare til «ildning» på Øvre Nærebø.

I 1770 får Nærebø sag «kongl. allernaadigst bevilling» til å skjere 800 bord for året.

Udjusfolk får i 1781 kjøp på Savedalen for der å bygge ei sag.

Det er synfaring på Nærebø sag i 1816. Saga ligg i Nærebøbekken på Nedre Nærebøs grunn. Det heiter: Beqvemt fald. Flomdrift. Fortrinsrett for kvern. Skur 8 tylfter. Eigara er då Anders Aslaksen og Ole Christensen Nærebø, Ole Stiansen og Jens Larsens enke på Dokkedal, Lars Terkelsen Vatnestrand og Anders Tygesen og Lars Christensen Tyssekil.

I 1820 melder åsittarane på Nedre Nærebø at dei vil bygge ei sag i Bleiebekken for der å skjera utskipingsbord av eigen skog. Ved synfaring same året blir kvantum sett til 8 tylfter

12 fots måls tømmer. Samme året melder dei på Øvre Nærebø og Udjus at dei vil bygge sag i SAVEDALSBEKKEN på Øvre Nærebø grunn.

*Dei bygde skuter på Nærebø.*

I 1814 vitnar skipsbygger Ole Terkelsen Udjus og tømmermann Christen Olsen Nærebø at dei i desember året før på skipsverven Nærebø la kjølen til ein slupp på 22 hollandske fot. Sluppen som blei «sjøsett» i juni 1814 fekk namnet «Selvstændighed». Same året sette elles dei same byggmeistrane ei skute «paa vandet» ved Udjus.

### PLASSAR

Etter Landvik var Nærebø den garden i bygda der det var flest plassar. Eit par av dei, Syndlesøyna og Stømne var gamle plassar, dei andre blei nok rydda og bygde på først på 1800-talet.

*Syndlesøyna* hørde til Nærebø-folk heilt frå 1660-åra, men er nå frâseld og er blitt eige gardsnr. Under ft 1801 er under Nærebø ført opp Løvor Ellefsen og Ingeborg Nilsdotter. Dei budde på Syndlesøyna og sønene etter dei. Sjå Syndlesøyna.

*Stømne*, som nå er bureisingsbruk og ligg nedanfor Nærebømyrar ved den nye vegen til Beisland, var plass under Nærebø tidlig på 1700-talet. I 1711 budde Guttorm der, i alt 4 personar. Me veit ikkje meir om han. Namnet er skreve Staune då og seinare. I 1744 er det skifte etter Tellev Aamundsen. Han hadde først vore gm Svanou Jensdtr og dei hadde ei dotter Marthe som var hos sitt søskenbarn Hans Olsen på Eggmoen i Hf. Andre gong var han gm Anne Guttormsdtr, trulig ei dotter av Guttorm som er nemnt i 1711. Halvbror til Anne var Nils Guttormsen Rodalen som var tilstades ved skiftet. Det var ikkje så stort buet. Brutto kom opp i 22 rd, men gjelda var 26 rd. Marthe hadde ståande i morsarv 5 rd 3 ort. For dette

får ho 1 ku, 3 vaksne geiter og 2 sauer. Skifte-kostnaden blei 4 rd 3 ort. For dette tok skrivaren 1 ku, 1 liten «rundstud» og 1 bokk. Heile buskapen var 3 kyr, 1 stut, 3 geiter, 1 bokk og 2 sauer, så det var ingen ring og liten plass Telleiv hadde.

Einbølt og avsides låg plassen. Og det var ein tragedie som utspela seg der for over 200 år sidan. Om dette fortel Tingboka, der me får vite at Tellej Stauene som han der er skreven, var død for eiga hand. Svo-geren Nils Guttormsen Rodalen la dette fram i retten 1743 og førde som vitne Jon Telleisøn Nærebø og Mads Christensen Nærebø. Jon vitnar at Tellei om våren hogg seg i foten . . . og nogen tiid derefter blev han ligesom forvirret udi hovedet. Han skyna ikkje hva han og hans skulle leve av. Dei heldt vakt over han . . . alle beboere av Redahl i Landvig sogn vilde saaledes holde varetægt over hannem et jevndøger hver, heiter det. Men så blei han åreleten siste torsdag, fortel vitnet, og då blei han roligere. Laurdag var kona i skogen med krøteret og dottera var i Grømstad. Då hadde Tellei hengt seg i eldhuset.

Hans Olsen som er nemnt ovanfor kom til Stømne. Han var gift med Gunvor Andersdtr. Dei hadde ei dotter Birthe til dåpen i 1747. Anne Guttormsdtr vigde i 1748 oppatt med Anstein Steinorsen Skiftenes og dei budde ei tid på plassen, men flytta frå ikkje så lenge etter.

Frå 1751 er Salve Christoffersen og Gjertrud Guttormsdtr på Stømne. Dei døde begge i 1783, Salve 60 og Gjertrud 70 år gl. Dei hadde 5 born, men alle døde noen veker etter at dei kom til verda, så dei sat att barnlause og einslige. Men i 1760-åra blei det rydda ein plass til på Stømne. Denne plassen låg under Einertrø og her budde Tjaran Aanonsen og Astri Svendsdtr. Sjå Grinnevoll-ætta. Den siste på denne plassen var Kristian Svendsen Stømne som var f i 1810 og døde 1891.

Stømne under Nærebø blei trulig nedlagd som plass ikring 1850. I 1778 er nemnt Christen Andersen Stoune og Aase Osulsdtr som har sonen Anders til dåpen, i 1790 Osul. Han

døde same året. Det måtte elles bu fleire der, for i 1786 ser me at Targier Torbjørnsdtr Stoune vigjer med Christen Christensen Rævebø og dei budde trulig på Stømne ei tid. Ein son Torbjørn 87 d.s.å. Christen 88 d 89. Ane 90. Christen var på Syndlesøyna i 1833. Han var då gm Ane Larsdtr. Christen døde som legds-mann på Nærebø i 1859 — 97 år gl. Ane Torbjørnsdtr Staune vigde i 1790 med Peder Torjussen Birkedal.

I 1792 er Taral Bertorsen komen til Stømne. Han var på Søndlesøyna i 1790 og gm Karen Olsdotter. Ei dotter Maren f 1790. På «Stoune»: Ane f 1792. Ole f 95 d 97. Taral sådde i 1792 1¾ tn bygg og avla 8 tn, så det var som nemnt ingen liten og ring plass. Me må gå ut frå at dei hadde 2—3 kyr og noen sauer og geiter som me har set tidligare. Taral og kona er flytta frå før 1801. Då er på plassen: Aasuld Jacobsen, 28 år, ug. husmann med jord og nat. soldat, Guri Aasulsdtr, mor hans som er 64 år og ein bror Anders Jacobsen 31 år, ug., inderst og daglønner. På tri år var det 4 dødsfall i denne huslyden. Aasul døde 1801. Alderen er då oppgitt til 26 år. Året etter døde Guri, 60 år (!) og Tarje(r) Jacobsdtr 31 år. Anders døde i 1803, 34 år gl. Det er skifte etter Anders i 1804. Han hadde brørne Ole 26 år, Christoffer 22 og ei søster Aase Jacobsdtr som var 38 år. Anders hadde lausøyre som var seld på auksjon for omlag 109 rd. Han var skyldig broren Ole 30 rd. Til deling blei det 62 rd. Ole er trulig den same som Ole Jakobsen Birkeland som kjøpte halvparten av Liene i 1806. Alderen høver i alle fall. Og me må gå ut frå at dei som budde på Stømne i 1801 var tilflytta bygda.

I 1803 er Ole Christensen og Ane Halvorsdtr komen til Stømne. Born: Halvor 03, Lars 08. Halvor må vera den Halvor Olsen som døde på Sørenskjær i 1861, og då trulig bror til Kristen Olsen som døde på Sørenskjær i

1875 — 80 år gl. Ole Christensen døde i 1834 — 70 år gl, Ane i 1836 — 63 år.

Lars Olsen Stømne vigde i 1833 med Marthe Clemedsdtr Liene. Born: Clement 34, Ole 36. Flytta til Fjære 1864. Anne 38, Andreas 41.

Då Ole Christensen og kona var døde, blei lausøyra seld på auksjon for 55 spd. Gjelda var litt større. Men av det hadde Christen Olsen Stouene til gode 10 spd.

Lars flytta visstnok frå plassen. Den siste som er nemnt er Ole som flytta til Fjære. Det er ikkje folk der i 1875. Kristen må ha busett seg i Sørenskjær før 1830.

#### *Husmannskår i Redal.*

Med ryddinga av dei mange nye plassane på 1800-talet er me inne i den nyare plassbusettinga. Om dette skriv Martinius Nærebø:

«I Nærebø var det nokså mange plassmenn. Bondene var greie med sine arbeidsfolk, for arbeidsfolk flytta ikkje då som nå, nei dei kunne vere hos same bonden heile si levetid. Men det var som tidast at dei gifta seg, og så fekk dei husetomt med litt jord av mannen dei hadde tent hos, og folk i bygda ga noen stokkar hver så dei fekk seg opp hus. Litt årlig leige for jorda skulle dei gi, men den vart aldri oppkravd for at dei ikkje skulle få hevdsrett på stykket. Dei hadde ikkje arbeidsplikt på garden som dei fekk plassen av . . . . Nå er plassane gått tilbake til dei gardane som dei var gått ut frå. Husa er revne og det er bare noen steinar som syner der dei har budd.

Martinius Nærebø fortel så noe om dei enkelte plassane og dei som budde der. Me skal ta med noe og fyller ut med opplysningar, mest frå kyrkjebøkene.

*Stisvoll.* Martinius Nærebø fortel: Der budde ein mann som heitte Lars. Han var smed. Om mannen døydde der veit eg ikkje, men husa blei revne. I 80-åra fekk Daniel Stisvoll leigd plassen. Han bygde hus der og fekk hustimber av bygdefolk. Daniel var komen frå Koveland i Herefoss og kona var dotter til Kristian Stømne. Der lever ein son Kristen Danielsen som bur på Groos.»

Lars var frå Gusdal. Og det er rett at han var smed. I 1815 vigde Lars Ommundsen Gusdal med Ane Christensdtr Nærebø. Ho døde på Stisvoll i 1851 — 55 år gl. Lars var son til



Ommund Larsen Toskedal som først hadde Grøsele og sidan eit større bruk på Gusdal, men det gjekk ut for Ommund og han måtte gå frå garden. Han er på Stisvoll i 1826. Det året skaut Lars Ommundsen Stedsvoll ein bjørn i Nærebø skog 3. påskedag. Lars og Ane hadde 3 born som var f på Stisvoll, den yngste Ommund i 1831. Då Ane døde, flytta nok Lars frå plassen og me veit ikkje hvor han og borna kom av.

Daniel som bygde på ny på plassen, heitte Daniel Kristensen f 1849. Han var gm Karen Tomine Kristiansdtr Stømne f 1852. Dei er på Stisvoll i 1881. Daniel var matros. Ei dotter Marie Magdalena 81, Ole Martin 85, Marta Kristine 88, Albrecht 91, Berta 95. Karen Tomine døde i 1901. Daniel flytta frå. John Helland kjøpte husa, det var stove, kammers og kjøken, og sette dei opp i Hefteviga. Kristen Danielsen Nærebø vigde i 1904 med Tomine Terjesdtr Udjus. Kristen var f i Fjære 1874.

*Osulsplass.* Så var det ein plass borte med Stien som heitte Osulsplass, fortel M. Nærebø vidare. Sonen Ole reiste frå plassen. Han levde sine siste år i Mellevika og var ungar. Ole var ein stille mann. Ein gong han hadde vore i byen og kjøpt proviant, hadde han drukke seg full og var gått ombord i ein båt og kom til Kristiansand. Han stod på dekket både fram og tilbake, og då han kom heim spurde dei kor mykje han måtte betale i frakt for stompesekken. «Æ sto me an,» sa Ola.

Me kan fylle ut med dette: Osulsplass må ha sitt namn etter Osul Bentsen. I 1827 har Osul Bentsen Stien u. Nærebø og Gunnil Olsdtr sonen Bent til dåpen. Han flytta til V. Moland 1856. Ole som er nemnt f 1829. I 1833 drukna Grethe Allethe Osulsdtr Stien 11 år gl. Christen Osulsen Stien reiste til USA i 1852 — 25 år gl. Året etter reiste Berthe Margrete Osulsdtr — 28 år gl. Osul d 1859 — 60 år gl. Plassen blei då trulig nedlagd. Gunhild Olsdtr døde som lægdslem på Nærebø i 1866 — 74 år gl.

*Sørenskjær.* I Sørenskjær var det to plassar. Den eine var ein liten plass, der budde ein som heitte Lars, meir veit eg ikkje om han. Den andre plassen var stor, ca.

10 mål, og der var gode hus på plassen. Mannen der heitte Kristen, fortel M. Nærebø. Han skriv vidare m. a.: Kristen hadde tri døtre, dei to var ugifte. Den tredje, Andrea, var gift med ein svenske som heitte Anton. Han var murar og kunne mine og gjekk under namnet Anton Minar. Dei hadde to døtre. Den eldste, Inga, blei gm Tor Maløya, son til Ola Maløya som var komen frå Granemyr i Øvre Landvik. Den andre dottera blei gm Peder Aagre. Dei flytta til Kristiania og bur nå i København. Peder Aagre var ein rik mann.

Me kan fylle ut med fylgjande: Lars Sørenskjær var f i Laudal i 1796. Han vigde i 1826 med Todne Sørensdtr Nærebø f 1796 i Birkenes. Det var og ei Asgjerd Sørensdtr Nærebø som i 1816 vigde med Rasmus Christensen Nærebø. Dei kom til Jaavoll og Ringskleiv. Men noen Søren har me ikkje funne på Nærebø. Han må vere komen til Nærebø etter 1800 og ha rydda plassen som fekk namnet Sørenskjær, trulig frå Birkenes sidan Todne var fødd der. Todne og Lars budde mange stader før dei kom til Sørenskjær. Ei dotter Trine f på Ronnen 1829 d 31. Så kom dei til Bakken, Landvig og sidan til Morholtmonen. Sonen Ole Sevrin f der 1832. Så kom dei til Dolholt. Ei dotter Hellene 35. Same året er dei på Lundehaugen der sonen Søren kjem til verda. Så kjem dei nok til Sørenskjær.

Søren Larsen Nærebø vigde i 1852 med Allaug Ellefsdtr Nærebø (Søndlesøyna). Ei dotter Emma Lovise 59. Ole Sevrin Larsen vigde i 1869 med Randi Terkelsdtr Røiseland. Ho var komen frå Konsmo til Nærebø for å tene same året. Ei dotter Terese Regine 69. Dei var på Udjus i 72, ein son Lars fødd der. Så flytta dei nok til Gitmark. Dei har sonen Lars Sevrin til dåpen i 1877. Lars og Todne er på Sørenskjær i 1875. Dei har tri sauer, sår ei skjeppe kveite og set 1 tn poteter. Lars døde året etter. Helle Larsdtr var i 1860 gm Tobias Torsen. Ein son Laurits Teodor.

I 1885 er skomakar Jens Kristensen komen til plassen. Born: Kristen 85, Ingeborg Kristine

88, Gustav 90. Jens var gm Kirsten Hansdtr f i Birkenes 1850. Ho d av tæring i 1900. Jens var f 1844 og var frå Hesnes i Fjære. Han var som nemnt skomakar og ein mester til å sy pløsestøvler, seier Martinius Nærebø.

Plassen låg under bnr 9 og er nå nedlagd og husa revne.

*Sørenskjær II.* Denne plassen låg under bnr 1 og var som nemnt ein større plass med sætehus i 2 høgder. Også desse husa er revne. Det var nok Kristen Olsen Sørenskjær som bygde der. Han var trulig son til Ole Christensen Stømne. I 1827 har Christen Olsen Nærebøeie og Ingebor Olsdtr ei dotter Ingebor Oline til dåpen. Dei må ha budd andre stader før dei kom til Sørenskjær, for me finn ikkje fleire born f på Nærebø, men i 1853 får «pigen hmdatteren Anne Tomine Christensdtr Nærebøeie» ei dotter Andrea med Andreas Knudsen Have «af Oddernæs Sogn». Andrea Andreasdtr Sørenskjær vigde i 1874 med ungkar, steinarb. Anton Kristensen Øvre Mørk, Nærebø. Anton Minar var såleis ikkje gift med ei dotter av Kristen, men med ei dotterdotter. Han var f i Spydeberg i 1832. Dottera Inga Kristine f 1875, Johanne Katrine 78.

Kristen Olsen døde i 1875 — 80 år gl. Ved ft det året bur Anton og kona med dotter Inga på plassen. Der er og Anne Tomine som var f i 1825. Andrea døde i 1881 av tæring. Dei hadde ikkje husdyr på plassen i 1875. Og noen utsåd er heller ikkje oppgitt.

*Rodvelta.* Også her var det 2 plassar. Det var to små plassar bare med omlag 1 mål dyrka jord til hver plass fortel M. Nærebø. Han skriv: Der var heller skrale hus. Den mannen som først fekk plass der heitte Ola. Han var hjuring i Nærebø til han blei gift, då var han tredve år. Ola blei gift og konfirmert på ein og same dag. Kona hans heitte Kari. Då dei sto for alteret, sto Ola med lovåtter på og kjøkemesteren måtte opp og få han til å ta av seg vettene. «Se det var den første feilen,» sa Ola. Ved brøllopsbordet sa han til brura

at han nok kunne få gjætinga på Nærebø til sumaren om han ville. Men istaden tok han til å laga propper eller kiler som dei brukte til å kile naglene med når dei plankar skutene. Og derfor kalla dei han Ola Propp. . . . Andre gongen var Ola Propp gift med Trine. Ho blei enke og blei sidan gift med Jøren Fompenborg som var komen frå Froland. Dei fekk seg ein liten plass i Rodvelta og bygde seg ei lita hytte der. Det var bare ei stove. Der var jordgolv og ein liten skorstein i det eine hjørne, i det andre hjørne var det høsevagle. Dei levde godt saman Jøren og Trine og så fornøgd og gode menneske er det ikkje tidt å treffe. Dei var godt likt av alle i bygda og folk bar til dei mat og mjølk og til jul fekk dei reine gjestebodskosten. På haustkanten når eg var i Rodvelta og slo og høya kom allstødt Trine med ein heil bråte med plomar i skjorteblåga og roppte: Nå må du komme og smage på plommene. Det var nydelige raue sukkerplommer. Eg åt og Trine prata.

Nærebø fortel vidare at Ola og Kari hadde ein son Ola som var skomakar. Han var gift med Sofie som var komen frå Kvinesdal. Dei budde på den andre plassen. Dei hadde ein son og tri døtre. Jøren levde av å lage river og ljàorv og dreiv med tjørebrenning.

Me kan legge til desse opplysningane: Ole Olsen Nærebø 34 år vigde i 1816 med Karen Knudsdtr Synningdal, 40 år. Son Ole f 1817. Karen døde i 1853 — 70 år gl. Året etter vigde han oppatt — han var då 72 år — med Trine Serine Sørensdtr Nærebø 37 år. Trine var f i Tveit 1817. Inderst Ole Olsen Nærebø d i 1867 — 83 år gl. Soga med lovåttene kan nok vera sann, for det var 20. november Ola hadde bröllop første gongen. Men det var 130 år mellom hendinga til Martinius Nærebø skreiv det ned, så tradisjonen om slikt må vere heller seigilva.

Ole Olsen d.y. var f 1816 og gm Ane Sofie Salvesdtr f 1824 i Hægebostad. Dei hadde borna Ole Carl 49—66, Samuel 52 d.s.å., Aasille 53 d.s.å., Aasille 54, Cecilia 57, Cecilie Teresie 58—59, Olivia Amalie 63. Ola og Ane Sofie budde i Rodvelta i 1875 saman med dei to yngste døtrene. Dei hadde 7 sauer, sådde  $\frac{1}{12}$  tn kveite og sette  $1\frac{1}{2}$  tn poteter. Husmand

med jord. Skomager. Lidt fattighjelp, heiter det. Denne plassen låg under bnr 12—13.

Jøren Fompenborg heitte Jørgen Abrahamsen og var f i Øyestad i 1801. Han gifte seg med enka Trine Sørine Sørensdtr i 1868. Jørgen og Trine budde i Rodvelta i 1875. Dei hadde ikkje buskap, men sådde litt kveite, rug og bygg og sette 1½ tn poteter. Denne plassen låg under bnr 3. Då dei som budde i Rodvelta, blei gamle måtte dei flytte frå sine plasser og det var vondt å høyre på hvor dei gråt og ba om om dei ikkje måtte vere der dei hadde vore det meste av si levetid. Dei vart bortsette til framande på fattigkassa si rekning og det var ikkje lenge dei levde etter at dei var flytta, skriv M. Nærebø. Ole Olsen døde på Vesøya i Fjære i 1904, f Rodvelten Nærebø heiter det

i kyrkjeboka. Det er det siste me høyrer om folka der.

#### MERKNADER

1. Sjå årsskrift for Agder Historielag 1957.
2. Etter oppl. ved A. Ager-Hanssen.
3. Etter oppl. av O. A. Aalholm.
4. Sjå Dolholt-ætta.
5. « Birkenes-ætta.
6. « Tingstveit-ætta.
7. « Birkenes-ætta.
8. « Jaavoll-ætta.
9. Han må vere son til Jon Tellefsen og Ane Gundersdtr.
10. Sitter — ein del av eit spant.
11. Sjå Nærebø-ætta.
12. « Udjus-ætta.
13. « Lia-ætta.
14. « Liene-ætta.
15. « Grinnevoll-ætta.

---

## BEISLAND

Gnr 37

Beisland er den største garden i «Vesterbygda» med gammalt skyld 3 huder. Garden byter til Birkenes og noe av det 2 km lange Beislandsvatnet går inn i denne bygda. Lenge — langt ut i dette hundreåret — låg garden der avstengt. Temmelig besværlig adkomst til vei og langt fra byen og avsetningssted, heiter det i 1867. I dag har garden 2 vegar til bygds og dessutan veg vestover til Birkenes. Køyrrer ein gjennom skogen ved Beisland den nye vegen til Redal, ser ein mengdevis av rullesteinar, minne frå istida. Her går raet som har laga den gode skoggrunnen i dette stroket.

Det er vel trulig at første rudningsmannen har funne vegen frå Redal og slått seg ned her. Og det kunne ligge nær å tru at namnet kom av eit gammalt Beitland, men Rygh trur helst at det er vatnet som har hatt namnet Beitir og at namnet er avleidd av det. Så seint som i 1601 ser me at bytet mot Redal vel ikkje har vore så heilt klart. Dei i Redal ville nok ege seg innpå i den gode Beislandsskogen. Men Elling og Jens Auensøner (Nærebø) får 2 dl i bot — «fordi de i mod forbud haffuer aavirket i Beisslandtz skouff».

Først på 1600-talet var nok garden på utanbygds hender. Me finn han ikkje nemnt under odelsgoods i Landvik i 1624. Det var då leig-

lendingar som sat på gården. Christoffer Beisland er nemnt som krone- og leiglendingsbonde 1610—17, Halvor 17—18, Wrold 1623. I 1624 møter Wrold Beisland som vitne i ei odelsjordesak på Dolholt. Vidare finn me Troels Beisland 1628—29 og Christen 1631—37. I 1614 blir Berrete Beisland dømt til å betale 7 dl «for hun icke udi rete møtte Anders Thingsager og Hans Møglestue». Same namnet møter me i slutten av hundretalet då Birgitte Beintsdtr overtar garden. Det er kanskje meir enn ein namnesamanheng her.

Først ut i 1640-åra får me meir greie på garden og eigarane. 1643: Bent Beisland eiger 1 hud i samme gaard. Saman med sine søsken har han au 5 gsk i Gauslaa og Ausland i Landvik ½ hud. I 1645 er på Beisland som einaste brukar Bent og hans quinde. Beint Beisland, eller Beint Kjetilsen, var frå Gauslaa.<sup>1</sup> Han var gm Gunhild Knudsdtr Haabesland og var svoger til lensmann Eiven Tollefsen på Ramse. I 1657 står Beint som eigar av 2 huder i B. I 1647 åtte han 1 hud som i 1643 og leiger 8 ksk av Hans Messel og 11 ksk av Nerstenfolk. I 1661 har Bent 2 huder som i 57 og leiger då 1 hud av Gunder Nersten — «giffuer til kongl. Maj. 1 gsk udi udskyld». Same året står Beint under odelskatten som eigar av 5

gsk i Gauslaa,  $\frac{1}{2}$  hud i Ausland og 1 hud i Grimenes. Beint er 60 år i 1664. Han er trulig død 1668. Han står oppført i Odelsskatten det året, men i matrikkelen same året: Enken Gunhild eier ved kjøb og pant  $1\frac{3}{4}$  hud. Hans Gundersen (Nersten) 1 hud. Kgl. Maj. 1 gsk. Me ser her at det eine geitskinnet er gått av på det som Beint hadde.

Gunhild brukar heile garden i 1668. Det er ført opp at dei kan så 6 tn og fø 2 hestar og 18 naut og 24 «smaler». Til samanlikning kan nemnast at matr.kom i 1867 fører opp at dei kan fø i alt 3 hestar, 12 storfe og 35 sauer. Og utsåden blir sett til  $7\frac{1}{2}$  tn bygg og  $8\frac{3}{4}$  tn poteter. I 1875 er det på Beisland 4 hestar, 17 kyr, 5 ungdyr og 42 sauer. Og utsåden er oppgitt til  $9\frac{3}{4}$  tn bygg og  $12\frac{1}{2}$  tn poteter. Når dei fødte så mykje krettur på garden og avla så mykje korn, var grunnen sjølv sagt ei stor sanking av fór frå utslåtter og skogslåtter. Dei hadde au godt med arbeidshjelp. På Beisland med Grinåsen budde det i 1875 i alt 37 med stort og smått. Halvor Andersen hadde då tenestgut og 2 jenter, det same hadde brorsonen Anders Olsen. Ommund Arnesen hadde dreng og jente. Han hadde som «logerende» ein skogsarbeidar, det same hadde Anders. Desse karane var vestanfrå.

I 1681 er nok Gunhild død. Bent Beislands arvingar Knud Lindtveit og hans svoger eig 2 huder i garden, heiter det. Eldste sonen til Beint, Kjetil, kom tilbake til Gauslaa. Ein bror, Sven, dreiv nok garden ei tid. Han døde i 1694 — 42 år gamal. I 1685 blir det selt 17 ksk i Lindtveit og 4 ksk i Beisland som Fridrich Børgesen i Arendal var utlagd ved sk etter Knud Beintsen Lindtveit. Me må då gå ut frå at Knud var ein av sønene til Beint Kjetilsen på Beisland. Han er ikkje heime i 1664, men i 1658 er under bondesøner, svende og drengene nemnt Knud Bentsen Beisland som betalar 1 dl i skatt.

Dei var nok helst hissige av seg desse Beislands-karane. I futerekneskapen 1681 finn me dette: Det slagsmaal som Gunder og Bergete Fillingstued med Suend Beisland har haft, hvilke de selv for retten bekiendte saa at være tildragit, at bem. Svend har faait 4 hug af Gunder med en degen. Derimod har forn.

Gunder igien af Suend faait it slag og it hug, disligeste Bergete it hug i siden af Suend. Dei må bøte for dette. Gunder 2 mark sølv for hvert hogg, Svend 6 mark for «tuende hug og it slag».

#### *Garden blir delt.*

Birgitte Beintsdtr var først gm Ommund Tollefsen Rosseland f 1634 på Rosseland i Birkenes. Han og kona budde på Rosseland. Dsk etter Ommund 1686. Ho flytta då tilbake til Beisland og gifte seg oppatt. Andre mannen hennar, Ole Olsen, døde i 1700 — bare 36 år gl. Garden må vera delt i det belet. I 1701 brukar Bergitte halve garden  $1\frac{1}{2}$  hud. Den andre halve garden brukte ein Nils Torjusen. Han var leiglending og døde i 1712 — 55 år gl. Same dag som faren blir sonen Børge gravlagd — 21 år gl. Veit ikkje hvor Nils kom frå. Han let etter seg kona Anne Børresdtr, ein son Knud, 12 år (i 1701), Gjø 24, Anne 22 og Johanne 16 år. Anne blir sittande på Beisland. Me ser at ho i 1721 får festebrev på  $1\frac{1}{2}$  hud av Knud Christensen og medarvingar. Knud Christensen Gitmark hadde m. a. i 1720 ved makeskifte med svogeren Aanon Eriksen på Tjore fått 6 ksk i Beisland. I matr 1723 står Nils Torjusen framleis som brukar av halve Beisland, men det var som nemnt enka hans som sat der då. Og ikring denne tid flytter ho nok frå garden. Me høyrer ikkje meir gjete henne eller borna hennar. Dei hadde nok sete heller hardt i det desse folka. Ved skiftet etter Nils i 1712 var bruttoeiga  $35\frac{1}{2}$  rd, men gjelda var på 147 rd.

Eldste son til Birgitte, Knud Ommundsen, var f på Rosseland i 1685. Han overtar Beisland i ung alder, for alt i 1706 ser me at han er oppført som brukar. Birgitte sat bare med  $3\frac{1}{2}$  ksk i garden ved sk i 1701 og det var elles nokså smått stelt, men det var skyldfolket hennar som sat med resten av jorda og dei møter opp med prioriterte krav på landskyld



Det gamle tun på Beisland i framgrunnen, t. v. Adolf Beislands bruk, t. h. Ommund A. Beisland. Bak ser ein Hovet (Thomas Beisland).

m. v. Det er uprioriterte krav på 140 rd, men det blir bare 10 dl til deling. Ved sk etter Birgitte i 1719 er det netto 56 rd i bua, heri medrekna  $3\frac{1}{2}$  ksk i Beisland for 16 rd.

Etter at mora var død, tar Knud til å samle jordegodset. I 1724 får han kjøp på 6 ksk for 98 rd av enka etter Lars Knudsen Lindtveit. Det var trulig dette som Knud Beintsen hadde ått. I 1729 kjøper han  $1\frac{1}{4}$  ksk av Aanon Eriksen på Tjore. Utanom det han sjøl hadde arva, må han ha løyst inn endå meir av jordegodset, for ved sk etter Knud i 1746 står han som eigar av 15 ksk i garden. Resten av det me kan kalle *Gauslaabruket* åtte søskenbarnet Aanon

Eriksen Tjore. Knud må ha vore ein dugande kar. Han står likna for 100 rd i 1743. Han er ved sin død eigar av mest heile garden — og . . . . gjeld heftede der ei paa boet . . . . heiter det ved skiftet. Enka etter Knud, Gunhild Prosdtr, vigde oppatt med Svend Ommundsen. Og dei sat med garden ei tid framover. Knud og Gunhild hadde bare 2 døtre. Den eldste, Berthe, var bare 3 år då faren døde. Ho vigjer i 1764 med Arne Olsen Bakken frå Håbbesland.<sup>2</sup> Dei overtar garden og Sven og Gunhild flytter til Ausland. Berthe og Arne sat så med garden til Arne d i 1807 — 66 år gl. Arne kjøper  $10\frac{1}{2}$  ksk av Sven Ommundsen i 1765

for 136½ rd. I 1780 kjøper han så 3¾ ksk for 80 rd av svogeren Anders Anstensen. Med det kona har arva sit han så som eigar av heile bruket 1½ hud.

#### *Dokkedalsbruket.*

Me skal nå gå tilbake til åra etter 1720. I den tid kjem Lars Halvorsen Dokkedal til Beisland. Eldste son hans, Halvor, er f der 1724. Kona til Lars var Øli Knudsdr Gitmark som var dotterdotter til Anne Beintsdr Beisland. Anne var gm Erik Aanonsen på Tjore. Mormor til Lars var Gjertrud Beintsdr Beisland som var gm Aslak Imenes. Så både Lars og Øli hadde sterke ætterøter på Beisland. Etterkomarar etter dei i bein mannsline sit ennå på Beisland (Adolf Beisland, Olav Ø. Beisland<sup>3</sup>).

Ved sk etter Øli i 1731 har Lars bare 2 ksk i garden. Dessutan noe jord i Dokkedal og Gitmark. Han sat elles godt i det med ei eige på 102 rd utanom jordegodset. I 1743 er han likna for 50 rd. I 1745 får han av svograne sine i Eide skj på 5¼ ksk i Beisland for 63 rd. I 1747 er det sk etter andre kona hans, Johanne Olsdr. Han er då eigar av 10¼ ksk i garden. Lars sa i skifteretten at han brukte 1½ hud i B., men av det åtte Erik Klingsund 1½ og arvingane etter Aanon Eriksen Tjore 4½ ksk. Dessutan åtte borna i 1. ekteskap noe. I 1753 får så Lars kjøp på dei 4½ ksk som ættfolket hans på Tjore hadde, for 81 rd. Samstundes sel dei 3 ksk i det andre bruket til Sven Ommundsen for 54 rd.

Same året som Arne Olsen Bakken kjem til «Gauslaabruket» gjev Lars Halvorsen over garden til eldste sonen Halvor for 270 rd. Halvor sat med garden til sin død i 1795. Sonen Anders overtok då. Mor til Anders var Karen Andersdr. Inntjore. Anders var gm Ingeborg Olsdr Nærebø.

#### *Godt grannelag?*

Det er lite me finn i rettsprotokollane frå Beisland. Tidligare har me nemnt den bardagen Svein Beisland hadde med dei på Fillingtveit. Eit hundre år seinare, i 1789, er det ein grannestrid på garden, men nå slåst dei ikkje med kvasst. Det er Halvor Larsen som stemmer Arne Olsen for «ubeqvems og ærerørige ord». Saka kjem for retten og Jens Johannesen Bakken (frå Bakken u. Landvig), 40 år, blir ført som vitne, men før vitnet kjem til orde, legg prokurator Lassen på vegne av Arne ned protest, då han «ikke ved sig skyldig i slike udladelser». Jens hadde vore i arbeid hos Halvor i mai. Då dei ein dag var ute på åkeren og pløgde, kona til Halvor og borna var au med, hørde han Arne Olsen som dreiv på åkeren ved sida saman med Ole Christensen Windsland, seie: De er noget tyvepakk alle sammen, du er en tyv, fra Helvede er du kommen, til Helvede skal du, børnene er nogen tyveunger alle sammen. Men vitnet seier vidare at han ikkje hørde at Arne nemnde noen med namn. Vitnet hadde bede Arne akta seg for kva han sa, men Arne hadde snudd seg mot Halvor og folka hans og knytt neven då han «skielte». Det var eit steinkast mellom åkrane.

Knud Arnesen, 24 år, son til Arne Beisland, møter au som vitne. Han hadde gått baketter «ved furrene» og hadde høyrte far sin bruke ordet tyvepakk, men visste ikkje hvem han hadde meint med det. Elles hadde han ikkje høyrte det så tydelig. Det var «et rifleskud» dit Halvor og folka hans arbeidde.

Saka blir utsett til somartinget neste år og me finn ikkje meir om denne saka, så trulig er dei blitt forlikte.

#### *Garden etter 1800.*

Me har sett at det bare var to bruk på Beisland ut gjennom heile 1700-talet. Då Arne Olsen døde i 1807, gav Berte Knudsdr seg i follaug til sonen Peter Arnesen som fekk 3 ksk av garden. Resten delte ho mellom borna for 1035 rd. Ommund, den eldste av sønene, kjøper så i 1813 av sine søsken 11⅔ ksk for 805 rd. Sjølv hadde han arva 3⅓ ksk. Same året sel han Bærhei, 1 ksk, til broren corporal Peter Arnesen for 69 rd.

Same året løyser Anders Halvorsen — som nok overtok då faren Halvor Larsen døde i

1795 — inn det andre bruket 15 ksk som medarvingane hadde fått. Same året sel han frå til Tor Aanonsen Grindevoll 1 ksk i Grinaasen med Grinaaskjerret, for 200 rd.

#### *Dei slit med gjeld.*

Anders Halvorsen sat nok heller hardt i det. Han hadde lote låne pengar til gardløysinga. Ved sk etter Ingeborg Olsdtr i 1819 ser me at Anders Terkelsen Udjus blir utlagd  $11\frac{3}{7}$  ksk for 400 spd. Anders Halvorsen blir bare sittande med  $2\frac{11}{14}$  ksk. Resten av dei 17 ksk blir utlagt til borna. Men han ordnar seg nok med Anders Terkelsen, for same året ser me at han pantsett ei hud i garden til Anders Udjus for lån 300 spd. Samstundes sel han så 3 ksk til Anders for 200 spd. Året etter låner han 100 dl til av Anders Terkelsen, mot 2 pr. Han leiger i 1821 dei 3 ksk som Anders Terkelsen har kjøpt. I 1826 må Anders Halvorsen på ny ut på lånevegen. På ny er det Anders Terkelsen som hjelper han med pengar, 100 spd, denne gong mot 3. pr. I 1829 er Anders Halvorsen i forl.komm. der han bind seg til å betale Stener Stenersens enke 43 spd 17 sk innan 3 månader. Anders har au kjøpmannsgjeld i Grømstad. Bendix Ebbel stemner han for 79 spd 62 sk same året. Anders plikter seg (7. aug.) til å betale . . . saaledes det halve beløb av fornævnte summa erlægges med penge eller træløst til gangbare priser til førstkommende Mikkelsdag, og det resterende paa samme maade til marts næste aar. I 1832 går Anders Terkelsen på for å få 189 spd 4 ort 1 sk som han har til gode. Anders Halvorsen pliktar seg til å betale innan 4 månader.

Me ser såleis at Anders, som så mange andre bønder, sleit hardt for å greie seg i desse vanskelige åra. Ommund Arnesen måtte au ut på lånevegen. Men han går til Norges Bank der han får låne 280 spd i 1829.

#### *Garddeling.*

Me har set at det var skilt unna eller selt 4 ksk frå hvert av dei to gamle bruka. Då Anders Halvorsen døde i 1842, blir garden hans delt. Halvor Andersen og svigerbrørne Nils Øvland og Jakob Tallaksen Bjørkos gjev skj til Ole Andersen på  $5\frac{1}{2}$  ksk for 183 spd 40 sk. Same året får Halvor Andersen kjøp på  $8\frac{1}{2}$  ksk av arvingane etter Anders Halvorsen for

425 spd. (Lnr 109.) Året etter, i 1843, er det utskifting av dei 17 ksk i garden. Anders Terkelsen sel 1 ksk til Ole Andersen for 100 spd og blir sjølv tillagt 2 ksk (0-3-4). Ole får au ved gåvebrev  $\frac{1}{2}$  ksk av broren Halvor, som då får 8 ksk, ny skyld 2 dl 2 ort 16 sk, medan Ole har 7 ksk (2-1-2). Anders Terkelsen sel same året dei to ksk til Terje og Ole Terkelsen Udjus for 100 spd, og dei sel til brørne Halvor og Ole Andersen, også for 100 spd. Nå er det bare 1 ksk, det som Tor Grinevold kjøpte, som ikkje er komen tilbake til det gamle hovedbruket. Det som Anders Terkelsen hadde, var skogstykkka Froholtsaasen og Vardaasen. Også på det andre bruket er det eigarskifte i desse åra. I 1844 får Arne Ommundsen garden etter faren, 1 hud 2 ksk for 840 spd.

#### *Bnr 1—2—3.*

Me så at Peter Arnesen hadde i alt 4 ksk i Beisland. I 1857 blir desse 4 ksk skild ut frå Arne Ommundsens bruk lnr 107 og 108, dvs. halve Beisland etter gamalt skyld. Eigaren av dei 4 ksk var då Ole Knudsen søm i 1837 vigde med Mali Christensdtr, enke etter Peter Arnesen. Dei budde nok på Hovet. Ole Knudsen døde i 1868, Mali i 1886. Ved delinga fekk Arne Ommundsens bruk lnr 107 a og 108 a, seinare bnr 1, Ole Knudsens bruk fekk lnr 107 b og 108 b, seinare bnr 2.

I 1873 deler Berte Iversdtr, enke etter Arne Ommundsen, garden med sonen Ommund. Dei blir utlagd hver sin halvpart for 3750 spd. Berte sel så i 1879 sin part til Ommund for 16 000 kr. Han kjøper au i 1886 bnr 2 etter Mali Christensdtr for 8700 kr. og sit nå med halve Beisland som farfaren hadde gjort. I 1903 deler så Albret og Thomas Ommundsoner garden etter faren. Albret får dei gamle bnr, bnr 1 skyld mk 2.11, bnr 2 mk 1.30 og bnr 3 mk 2.11. Skj får han i 1909 for 4900 kr.



Thomas får dei nye bnr 9, 10, 11 av omlag same skyld for 4400 kr. Albret sel i 1934 til Selskapet Ny Jord for 1842 kr. Bjørkekjerr, Beislandsmyra og Dårefjell som får bnr 12 av skyld 35 øre. Denne parsellen er sidan tillagd gnr 36 bnr 42 Stømne (Sjå Nærebø). I 1943 overdrar så Albret garden til sonen Ommund A. Beisland og kona Helga for 24 000 kr. Ommund har modernisert sætehusa som er på 2 høgder og trulig bygd kring 1850. Han har og bygd nye uthus på garden, som nå har 24 da dyrka mark og 1600 da produktiv skog.

#### *Bnr 9—10—11.*

Thomas Ommundsen fekk som nemnt denne eigedomen i 1903, skj 1909. I 1934 selde han frå bnr 10, tidligare bnr 2, Langemyra og Bjørkekjærli til Ny Jord for 264 kr. Stykket fekk bnr 14 av skyld 10 øre og er seinare tillagd Stømne. I 1953 selde han til sonen Aasvald Beisland frå bnr 16 Jordåsen av skyld mk 0.67 og bnr 16 Nylund av sk mk 0.68 for 16 000 kr.

Thomas bygde i 1929 nye hus på Hovet, det gamle bnr 2. Uthus bygd 1903. Garden har 24 da dyrka mark og 1400 da prod. skog.

#### *Bnr 4 Krokåker.*

Brørne Halvor og Ole Andersen delte som nemnt garden i 1843. Halvor fekk det seinare bnr 4 og Ole bnr 5. Halvor var gm Johanne Andersdtr Nærebø. Ein son Anders d i 1864, bare 17 år gl. Dei hadde 2 døtre, men dei d i ung alder, begge i 1862. Halvor døde i 1882. Johannes selde så garden til Anders Olsen i 1884 for 10 700 kr. Anders var brorson til Halvor. Anders sel året etter til Ommund Arnesen for 13 400 kr., og Ommund sat nå noen år med  $\frac{3}{4}$  av heile Beisland. I 1890 deler han bruket og sel halvparten til Anders Olsen

(bnr 8) for 2250 kr. og den andre halvparten bnr 4 til Thornelius Aanonsen for 2400 kr., trulig då etter å ha dreve ut skogen. Thornelius sat på Krokåker til 1894 då bruket blei seld til Anne Gurine Knudsen Berge for 2000 kr. Ho testamenterte bruket til Ole Matias Fillingtveit. Frå 1937 har brorsonen hans, Olav Ø. Beisland, dette bruket som har 14 da dyrka mark og 500 da produktiv skog. Hovedbygning i 2 høgder, bygd 1880, stod tidligare i det same tun som dei 2 gamle hovedbruka. Bnr 4 har skyld mk 2.39.

#### *Bnr 5.*

Ole Andersen fekk dette bruket ved delinga i 1843. I 1875 gjev han skj til sonen Anders Olsen for 1358 spd. I 1918 går garden over til sonen Ole Kristian for 12 000 kr. I 1945 overtar brorsonen Adolf Beisland garden for 45 000 kr.

Frå bnr 5 blei i 1934 fråskild 2 parseller til Ny Jord, Yddeslåtta, Smalteigen og Gudbrandsholla av skyld 18 øre. Fekk bnr 13 og er slått saman med Stømne.

Bnr 5 har skyld mk 4.76. Bruket har 19 da dyrka mark og 1500 da produktiv skog. Hovedbygning i 2 høgder, bygningsår ukjent. Uthus bygd 1867.

#### *Bnr 6 Grindaasen.*

Dette er den teigen som Thor Aanonsen Grinnevollen kjøpte av Anders Halvorsen i 1813. Thor selde i 1868 til sonen Aanon Thorsen som budde her i 1875. Han fødte då 2 kyr, 1 ungdyr og 4 sauer, sådde  $\frac{3}{4}$  tn bygg og sette 3 tn poteter.<sup>4</sup> I 1901 selde Aanon til Ole E. Lunden for 500 kr. Husa var vel då borte. Ivar Beisland kjøpte eigedomen i 1905 for 800 kr. I 1925 gjekk eigedomen som har skyld mk 0.54 over til Birger Beisland, Fjære, for 2500 kr.

*Bnr 7 Vardåsen og Froholtsåsen.*

Som nemnt fekk Halvor og Ole Andersen i 1848 kjøpe tilbake dei skogstykke som Anders Udjus hadde fått for gjeld. Brørne delte dei 2 ksk i 1866. Ole slo sin part (lnr 109 e) saman med hovedbruket i 1868. Halvors part lnr 109 c fekk seinare bnr 7. Johanne Andersdtr selde så i 1896 denne skogteigen til I. M. Daae på Kaldvell for 1200 kr. I 1913 gjekk eigedomen over til Johannes og Justus Wiborg saman med dei andre eigedomane som Daae hadde i Landvik.

*Bnr 8*

som blei skild ut frå bnr 4 i 1890 fekk skyld mk 2.39, det same som bnr 4. Anders Olsen som kjøpte i 1890 selde i 1918 til sonen Martinus for 12 000 kr. då den eldste av sønene fekk hovedbruket. Til bnr 8 er det bare skog.

For dei to hovedbruka kan me sette opp denne

*Eigar- og brukarrekkje gjennom 300 år.**Heile garden 3 huder.*

Ca. 1640—1668 Beint Kjetilsen  
1668—ca. 1680 Gunhild Nilsdtr, enke e. Kjetil  
Ca. 1680—1686 Sven Beintsen  
1668—1700 Birgitte Beintsdtr gm Ole Olsen.

*«Gauslaabruket» 1½ hud.*

1700—1706 Birgitte Beintsdtr  
1706—1746 Knud Ommundsen  
1746—1764 Gunhild Prosdtr, enke e. Knud, gm Sven Ommundsen  
1764—1807 Arne Olsen gm Berte Knudsdtr.  
1807(1813) Fråseld 4 ksk bnr 2. Sjå dette.  
1807—1844 Ommund Arnesen  
1844—1873 Arne Ommundsen  
1873—1879 Berte Iversdtr og Ommund Arnesen  
1879—1903 Ommund Arnesen. (Garden delt.)

*Bnr 1—2—3.*

1903—1943 Albret Beisland  
1943— Ommund A. Beisland.

*Bnr 9—10—11.*

1903— Thomas Beisland.

*«Dokkedalsbruket» 1½ hud.*

1700—1712 Nils Torjusen (brukar)  
1712—1724 Anne Børresdtr (brukar)  
1724—1764 Lars Halvorsen  
1764—1795 Halvor Larsen  
1795—1842 Anders Halvorsen.  
(Anders Halvorsen sel frå 1 ksk 1813. Garden delt 1843. Sjå bnr 4.)

*Bnr 5.*

1843—1875 Ole Andersen  
1875—1918 Anders Olsen  
1918—1945 Ole Kr. Beisland  
1945— Adolf Beisland.

*Skogen.*

Det er nemnt at det er etter måten mykje skog til Beisland. Og skogsdrifta har då sjølv sagt vore ein viktig del av næringsgrunnlaget ned gjennom tidene. Me såg då au at eigarane av Beisland verja sin rett til skogen alt i 1601. Elles er det ikkje så mange opplysingar me finn om skogen og drifta der. Matriklane seier som vanlig lite. I 1661 heiter det: Temmelig skouff til smaa last og husbehof. 1668: Skouff til smaalast og husbehof. 1723: Skov til smaa ege- og furrelast.

I 1701 ser me at Ole Olsen som det var sk etter, var skyldig Lauritz Dannevig 111 rd 19 sk. På dette var det levert 16 tylter «saugtømmer» (furre) a 1 rd. Saa ok 3 tylter eegelast a 6 rd, heiter det. Anders Hansen Hoveli hadde krav på vel 18 rd. På det hadde han fått 7 tylter egestolper a 1 rd 1 ort.

Med den prisen som er betalt for eikebjelkane, var nok ikkje dette smålast akkurat og det må nok ha vore eit slet å få dette tømmeret fram, så ringt det var med veg i den tid.

*Koldrift.*

I 1777 er Arne Olsen Beisland saman med dei på Helleland og i Bæreli med å få fram ei

tingsvitnesak om kolleveringa til Froland Verk. Dei fører vitne på orsaka til «manglende kulle-drift til Frolands Verk» og dei hadde ein prokurator Brandt til å føre saka for seg. Det heiter i rettsboka m. a.:

Først begierede Brandt at Christen Larsen Windsland, Niels Taralsen Solberg og Thiaara (Tjaran) Aanonsen Støvne maatte under et tilspørages:

1. Om de ikke kiender og ved beskaffenheden av den skouf der tilligger Arne Olsens brugende  $1\frac{1}{2}$  hud i gaarden Beiseland i Landvig Sogn? Jo, de er samme skouf og dens beskaffenhed bekiendt.

2. Om ikke bemeldte gaards skoug findes for det meste beliggende paa høie bierge og bratte fjeld, samt i mellem fulde bløde kier og moratzer, som gjør kulleveedens samling til miile, vanskelig og næsten umulig paa de tider av aaret naar saadant skal iagttages? De svarede at denne gaards skoug er saa vanskelig i omspurte fald som nogen stetz de veed, hvilken og forvolder at kulleveden til miilestedet kan nogle steder ikke end med stor besværlighed frembringes, og paa andre steder kan samme ikke ske saaledes at hugsten kunne blive lovlig, men maatte da hugge ned for fode baade god og umulig, baade ungewexte og fuldvoxet skouf, saavelsom deriblandt værende eege-skoug.

3. Om bemeldte skoug efter deres forklarende beskaffenhed, da kan taale det paalagde store quantum av 40 læster kul aarlig, eller hvor meget vidnerne kunne anse den for efter omstændighederne at kunne kaste av sig til kull.

Forvalter Clasen på Frolands Verk protesterte mot dette siste spørsmålet. Arne Olsen var ved lovlig «Circumference forretning» pålagt å levere disse 40 lester kol til året . . . . hvilket forvalteren er av den faste forsikring om kan skeep med kuldene som Arne Olsen aarlig fremdriver en quantum savtømmer til ulovlig skiørsel paa saven, hvortil han og kunne betiene sig av honerne til kullemiilens komplettering med anden ved naar ikke hans uvillighed var til at forskaffe og fremdrive det ham ved autentique forretning paalagde quantum». Til dette svarar Arne at han ikkje har anna enn ei lita bygdesag og eig bare  $\frac{1}{3}$  i denne. Protesten frå Clasen fører ikkje fram. Det

heiter så: Vidnerne, som til qvestionens besvarelse blev admittert, forklarede: at omendskiønt skougen i og for sig selv maaske kunne taale at aavirke 40 læster kull, er samme formedelst beskrevne vanskelige situation dog ikke mulig, hvorimod bemeldte 3de vidner enstemmig skiønnede at omtrent 10 læste kull kunne skougen og situationen tillade aarlig uden skade at aavirke.

Som 4. og siste spørsmål blir dei spurd om det ikkje var så at Arne Beisland for 2—3 år sidan «fik et siugdomstilfælde i sin høire haand som endnu har efterladt ham 2 stive og ubrugelige fingre». Dei kjenner til dette, men seier så forsiktig nok at dei veit ikkje om dette er orsaka til at Arne ikkje har levert dei kol han skulle til Froland. Arne viser fram handa si i retten. Hossen det vidare gjekk med denne saka, har eg ikkje funne noe om.

#### *Sagbruk.*

Me ser at forvalter Clasen skulda Arne for ulovlig sagbruksdrift. Det dreiv nok dei fleste på med den gongen. Men i 1779 får Arne Olsen og Halvor Larsen Beisland saman med Nils Torjesen og Torje Nilsen Olsboe «Kongl. allernaadigst bevilling til at forflytte Olsboes saug quantum 400 bord til Beislands saug, og den hidtil bevilgede Beislands saugs skjærsel af vandkantede bord til Olsboes saug».

Samanhengen i denne transaksjonen kjenner me ikkje. I 1781 sel Halvor sin 3. part i saga til Gunder Terjesen Fillingtveit for 20 rd. Me ser seinare au at partane i Beislands sag er på handel. Ved synfaring i 1816 får me vete at saga lå på austre sida av Osebekken. Godt fald, men har ringe vassdrag, heiter det. Skur 8 tylfter. Eigarar då er Ommund Arnesen og Anders Halvorsen Beisland, Ole Bentsen Fillingtveit og Lars Ommundsen Østeland. — I 1821 bygger dei ny sag i Slåttemyrbekken på

Beisland. Anders Halvorsen, Peter og Ommund Arnæsen melder frå om dette i 1825. Dei vil skjera for utskipping.

*Ei uthogstkontrakt.*

I 1853 gjer Ole Andersen kontrakt med konsul Gudgaard «hvorefter førstnævnte har solgt til sidstnævnte til udhugst i et tidsrum av 15 aar et skovstykke kaldet Bjørkekjærstykket i hans eiende anpart av denne gaard, for kjøbesum 550 spd, der efter kontrakten paategnet kvittering er sælgeren betalt». Det må ha vore stor skog der, å dømme etter prisen. Tømmeret blei vel nå flota i Stikselva. Men det gjekk ikkje raskt å få tømmeret fram her. Frå Beisland og utover er det lange loner og dei må ha lageleg vind skal dei få tømmeret fram. Det kunne gå 5—6 veker med flotinga. Nå går alt tømmeret med bil og det er bygd fleire bilskogsvegar.<sup>5</sup>

*Då dei bygde veg til Redal for 100 år sidan.*

Den gamle kyrkjevegen gjekk ut på nord-sida av Nærebø myrer, over Svåene og ned gjennom Urdalen til Nærebø. Når dei skulle til Birkenes rodde dei inn Beislandsvatnet. Så var det ein skarve veg over Lonåsen—Øvland til Håbbsland.

I 1862 gjekk bøndene på Beisland, Fillingtveit, Hundland og Ausland saman med dei på Torp, Nærebø og Lunden om å bygge ein veg frå Lundemonen gjennom Rossdalen til Skiling-skotet. Det skulle vere hjulveg, men frå Skiling-skotet sledeveg til Solegladmyra ved Beisland. Heile vegen var på 2988 famner eller 5617 meter og var nøgje kalkulert i 13 «maal». Heile vegen var rekna til å koste 5—600 spd. Dyraste stykket var gjennom «Kragen» der 30 famner blei kalkulert til 100 spd. Vegen måtte murast der. Til vegen gav Ommund Arnæsen 100 spd, Halvor Andersen 60 og Ole Andersen

50 spd. Denne vegen brukte dei så, serlig om vinteren. Sumars tid var det vanskelig å køyra då det var så mykje stein. Men det var fleire frå Beisland som fór si siste ferd denne vegen. Den siste likferd her var ein gong i 1920-åra.<sup>6</sup>

PLASSAR

Plassfolk er ikkje nemnt under Beisland i eldre tid. Me finn såleis ikkje plassfolk i 1801 eller tidligare. I 1815 har Christopher Marchusen Beislands-eie og kona Gunvor Aanonsdtr sonen Christian til dåpen. Dei må ha rydda og budd på det som ennå blir kalla Kristoffers plass og som ligg ikkje langt frå Hundlandsvatnet ved bytet til Fillingtveit. Thomas Beisland eig her nå. Me veit ikkje hvor Kristoffer og kona kom frå. Dei hadde elles borna Andreas 1817, Sivert 1820, Gunder 1822, Karen Gurine 1825, Johanne 1830. Ein son Aanon som er «skomagerdrenge» og 24 år gl flytte i 1835 til Birkenes. Gunder vigde i 1845 med Johanne Margrete Osulsdtr Øye og flytte til Øye, d der same året — 23 år gl. Den siste me finn noe om er Anne Gurine som flytte til Grimstad i 1850.

Det var nok smått for desse folka. Gunvor døde som legdslem i 1841 — 61 år gl, Kristoffer i 1846 — 70 år gl. Plassen er vel då blitt nedlagd, kanskje noe seinare. Det var ikkje folk der i 1875.

MERKNADER

1. Sjå Gauslaa-ætta.
2. « Beisland-ætta.
3. « Dokkedal-ætta.
4. « Grinnevoll-ætta.
5. Etter Ommund A. Beisland 1959. Han fortel at skogen hans er oppdelt i 14 teigar. Frå gamalt var det 5 skogløer til bruket hans.
6. Fortalt 1959 av Ommund A. Beisland som har dokumenta om denne vegen.

## HUNDLAND

Gnr 38

Garden ligg på nordsida av Hundlandsvatnet og byter m. a. til Vinsland i Birkenes. Hundlandsvatnet ligg i Stiksvassdraget, og tolldirektør Daae som åtte Kalvild Træsliberi fekk slått til seg denne garden og mange andre som sokner til dette vassdraget, i slutten på 1800-talet.

Den første brukaren me kjenner til, heitte Gunder Hundeland, som sat der som øydegardsmann i 1610. Han var «knekt» i 1611 og er nemnt på Hundland fram til 1637. I 1624 åtte Jens Oudensen Morholt med pant  $\frac{1}{2}$  hud i garden. Resten var då på utanbygds hender. I 1647 bygsler arvingane til Mads Høigilt 1 hud til Sjur, Ommund og Thosten Hundeland. Og Sjur (Sugordt) og Tosten eig og brukar  $\frac{1}{2}$  hud. Det var trulig det jordegodset som Jens Oudensen hadde panta. I 1645 er oppført under Hundland: Thosten og hans quinde, Ommund og hans quinde, Siffuert og hans quinde, en pige Karen. Men det høyrest noe utruglig ut at garden kunne fø tri huslyder. Arnt Stensvand skriv rettnok at «Hundland er en lun og meget jordrik gaard» og at dei der kan fø hest og 10 kyr, men dette er nok ikkje rett. Etter oppgave frå matr.kom i 1867 er det til garden 20 mål dyrka jord og det er utslåtter til 11 lass høy. Og buskapen er oppgitt til 5 kyr, 9

sauer og hest på dei to bruk som garden då var delt i.

Når me finn så mange brukarar på Hundland midt på 1600-talet, er nok grunnen den at Røyneland då låg under Hundland. Og det er tolig sikkert at Sjur Hundland budde på Røyneland som blei serskilt skyldsett i 1668 med skyld  $\frac{3}{4}$  hud. Hundland fekk då skyld  $1\frac{1}{4}$  hud.

I 1652 er den eine huda i Hundland gått over frå Mads Høigilt til Oluff Biørnsen. Tosten og Ommund leiger. Her heiter det at Sivert Rønneland eier og bruker  $\frac{1}{2}$  hud. I 1657 er Tosten og Ommund borte. I staden er komen Knud og Christen. Knud er borte i 1661. Då heiter det: Syfuor og Christen Anderssonner eier og bruker  $\frac{1}{2}$  hud, Christen Andersson og Ragnild Biørnsdtr leier av Jens Nielssen Søndeleff som er bedstemand 1 hud. Ragnild Biørnsdtr er og nemnt som åsittar i 1664. Christen Andersen er 57 år og har sonen Anders 8 år. Vidare er der Clemed Thostensøn 12 år og Thosten Knudsen 8 år, enche sønner. Av dette kan me slutte at Ragnild først var gm Tosten og sidan med Knud. Sjur Andersson er au nemnt her, men han har me ført under Røyneland.

Det er lite me veit om desse brukarane. Sjur som vel trulig var bror til Christen, sat som eigar og brukar på Røyneland i 1668.

Herlaug Vinsland har då fått tak i halve Hundland og brukar sin part 2½ gsk. Stener Stenswatn, som det då blir skreve, eig ¼ og Christen Eilefsen resten. Det heiter at dei sår 2½ tn, før 8 naut, hest og 10 «smaler». Herlaug Winsland eig 8½ ksk i garden i 1681. Christen Andersen og sonen Anders høyrer me ikkje meir gjete, men i 1692 vigjer Birrete Christensdtr Hundland med Anders Hanssen Hundland. Det er vel trulig at Berte er dotter til Christen Andersen. I 1699 pantset Anders og Berte 2½ gsk i Hundland, eller halve garden, til Søren Olsen Sode, sokneprest i Tveit. Anders hadde lånt pengar av presten m. a. ved skifte etter vermor si, Kiersten Øvensdtr, i 1696. Gjelda til presten er 120 rd. I 1701 står Anders Hanssen som leigending.

Presten var nok ein hard kreditor. I brev dagsett Tved Præstegaard 16. juni 1704 stemner Sevrin Olufson Sode Anders Hanssøn Hundland til å møta på Bringsverd sommer saeting i Grømstad. Klagemåla er mange: . . . formedelst u-louligt medfart med gaardens huusers total forsvækkelse, skovens nedfældelse, lastens bortførelse, mit mærkes udhuggelse og andres paarifvelse, engeslotterne til fremmede bortleielse . . . Vidare gjeld kravet skattar for 8 år . . . og ellers i mange andre u-tilbørlige forhold som eder for retten videre skal vorde demonstreret . . . I eit nytt brev til retten dagsett 5. juli krev presten at Anders skal frå garden og han rår Anders til «strax at søge husværelse for sig og sine andre steder . . . thi inden Hundland gaard kan det ingenlunde tillades formedelst Eders onde hiertes store vrangvillighed.»

Anders møter så i retten 11. juli. Det viser seg at gjeldskravet nå er på 61 rd 5 sk. Noen dom har eg ikkje funne i denne saka. Men Anders og kona må nok sidan frå garden. Han sit der ennå i 1706 som «proprietarie besidder» av 1¼ hud. Men året etter er det nok slutt. Av ei seinare sak veit me at Anders då var på ein av Landvik-plassane.

I 1701 dør Siri Ommundsdr 54 år gl. Ho må vera ei dotter av den Ommund som var brukar i 1650-åra.

I 1707 er Sven Jonsen komen til garden. Men i 1714 blir han stemna av Niels Samuel-

sen Nørholm «fordi han mod sin jorddrots vilje skal have bemægtiget sig bemeldte gaard Hundlands brug og des tilliggende skaug til upligt i mod loven forhugget». Garden har han nå bygsla til Ola Vinsland (Olle) og son hans, Herlaug.

Retten blir sett på Hundland 25. juni. Og det møter ei rekke vitne og sakførarar for begge partar. Vitna seier at sidan Sven kom til garden har han bygd nye løer, fehus, stolphus m. v. Og han har dyrka garden godt. Og Allaug, som tener hos Sven, vitnar at Søren Sode, som hadde slege til seg garden, hadde sagt at Sven skulle bruke han. I rettsmøtet neste dagen blir partane forlikte «efter lang mellemhandling». Niels Samuelsen seier at han ikkje har hatt kjennskap til at Sven er innsett på garden som han har arva etter verfare sin, Søren Sode. Sven skal nå få overta garden for 120 rd, på nærare oppsette vilkår. Året etter 22/6 betalar så Sven og får kvittering, og så heiter det i tingboka: «og dermed indfrelst den pantsatte gaard».

Men Sven sit nok hardt i det på Hundland. Då det er sk etter kona hans, Asborg Aanonsdtr, i 1772 har han lausøyre for vel 29 rd, men 42 i gjeld. Og garden er pantsett for 200 rd til Sr. Peder Clausen i Kristiansand. Han har au ei «bokgjeld» til P. C. på 26 rd. På garden har han då 1 hest, 3 kyr, 2 kvier, 4 sauer og 5 geiter. I 1723 heiter det at han kan så 3 tn 4 skj og fø 1 hest, 5 naut, 5 sauer og 5 geiter. Skikkelig god skov. 1 quærnsted til eget behov. Vaadlændt dog lætvindt.

Sven hadde i 1722 sønene Aanon 12 år og Terje 6 år, døtrene Berte 16 og Gunvor 9 år. Han gifter seg året etter med Ane Jonsdtr. Ein son Jon same året. Ane dør i 1724 — 37 år gl. Og Sven gifter seg nok oppatt. Sven dør i 1737 — 65 år gl. Kona heitte Ane Olsdtr. Dei hadde døtrene Asborg f 1728 og Johanne 32. Frå første ekteskapet levde då Aanon, myndig,

soldat under de geworbene, og Berte 32 år. Skiftet synte brutto 37, netto 21 rd. Jon Nilsen Midstu hadde lånt Sven 158 rd, trulig for å betale gjelda til kjøpmannen i Kristiansand, men Jon krev nå hand om garden til pengane med rente er betalt. Skrivaren går med på dette då garden ikkje kan verdsettast høgare. På garden har dei då hest, 3 kyr, 2 kvier, 1 tjør, 5 sauer og 8 geiter.

Ane gifta seg oppatt med Christen Guttormsen. Ane dør i 1766 — 64 år gl, Christen i 1775 — 60 år gl. Aanon Svensen høyrer me ikkje meir til. Asborg, eldste dottera i 3. ekteskapet, vigjer i 1753 med Ole Pedersen Øievand «af Birkenæs Sogn». Det må vera denne Ola som Stensvand fortel om: Der har budd mange bra folk paa Hundland. For 150 år siden var det Olav Hundland. Da han flyttet fra Vindvann<sup>1</sup> i Birkenes utbrøt han: Naa ska dykke ha takk for meg paa Mosfjellheia, for naa fløtte eg te Hundland! Og Stensvand legg til: dette var uttrykk for den lykke som forestod ham i hans nye paradís (!).

Nå, noe paradís var det nok ikkje. Under ekstraskatten i 1766 er Asborg og Ola ført opp som fattige saman med mor til Asborg og mannen hennar. Johanne Svendsdtr som seinare gifte seg med Aadne Aslaksen Senningtveit, tener der. Ole dør i 1770. Då er medelen 81 rd og av dette  $\frac{1}{2}$  i Vinsland sag for 15 rd. Gjelda er 50 rd, m. a. ca. 30 rd til Frolands Verk. Buskapen på garden er 1 hest, 3 kyr (desse tar Frolands Verk), 1 tjør, 6 geiter og 4 sauer. Ole og Asborg hadde bygsla garden av Jon Nilsen Midstu i 1757. Dei hadde borna Kirsten f 1758, Peder 61 og Anne 65, g 96 med Berul Anstensen Liene. Asborg lever til 1783. Lausøyra ho hadde blir då seld på auksjon for netto 22½ rd, men gjelda er tilsaman 67½ dl. Peder, som er 23 år ved sk i 1783, tar ikkje over garden.

I 1786 blir Jon Jonsen Hundland dømt til å

betale pantobl 399 rd med rente 4 pst. frå 22/12—83 til Gunder Aanonsen Torp, Tor og Jon Aanonsen Nærebø samt Lars Andersen Indtjore + 6 rd i sakskostnad. John Johnsen Hundland og Barbra Knudsdr har sonen Jonas til dåpen i 1787. Same året sel han 6 ksk til Knud Aanonsen Mætved for 300 rd og 6 ksk til Guttorm Knudsen Mætved for 250 rd. Knud Aanonsen, som kom frå Solli, busette seg på Hundland, men bleiv ved Hasla på heimferd frå Arendal 23. mai 1791. Dei var 8 i fylgje, dei fleste frå Metveit, og dei skulle til Arendal for å kjøpe til brudlaups. Dei bleiv alle. Ved sk sat Knud med 9 ksk i Hundland verdsett for 162 rd og lausøyre for 110 rd, men han hadde stor gjeld så nettoen var bare 12½ rd. I buet er oppført m. a. 6 tylter saugtømmer a 3 ort 8 ksk,  $\frac{1}{16}$  i Hundlands priv. sag er verdsett til 18 rd. Buskapen er 1 hest, 3 kyr, 1 stut, 4 geiter, 4 bokker og 1 sau.

Knud var gm Aase Guttormsdr. Dei hadde sonen Guttorm 21 år og ei dotter Marthe, enke etter Torjus Jensen Metveit, ein av dei som kom bort saman med far hennar. Det meste av jorda i Hundland blir utlagd til kreditorane. Aase får att  $\frac{1}{4}$  ksk, Guttorm får  $\frac{1}{6}$  og Marthe  $\frac{1}{12}$  ksk. Aase blei sittande på Hundland. I 1792 var sonen der og dei hadde både dreng og jente. Dei sådde 3 tn bygg, avling 14 tn, sette  $\frac{1}{2}$  tn poteter, avling 2 tn. Aase d 1800 — 59 år gl.

Guttorm vigde i 1792 med Ane Olsdr Hesthagen og dei er på Hundland i 1801. Han sat nok heller hardt i det, men garden har han fått løyst. I 1807 låner han 655 rd av Morten Kallevig mot pant. Han har då ikkje heimel til meir enn  $6\frac{1}{2}$  ksk og har au gjeld til Mads Møglestue. I 1809 pantset han 1 hud 3 ksk «for til laans bekomne 100 rd av den av Kongen til udlaan blandt trængende bestemte capital». Merknad om at før hefter 655 rd. Men så går gardprisane opp. Og i 1812 sel han til

Knud Olsen Nærebø for 9000 rd og kjøper att eit bruk i Ausland for 6100 dl. Knud sit og i stor gjeld, serleg då til konsul C. Pharo i Grømsstad, som i 1835 slår til seg garden for 440 spd. Året etter sel Pharo til Salve Kittelsen Bjel-land for 550 spd. Salve pantset garden til Pharo for 347 spd, og i 1838 får han låne av Pharo 300 spd mot 2. pr. Året etter sel han 5 ksk til Terkil Kittelsen for 200 spd.

Det er ikkje lenge Salve og Terkel blir på Hundland. Salg av garden er ikkje ført i panteregistret. I 1843 er det sk etter Ole Torjussen gm Karen Olsdtr. Både lausøyre og jord blir selt ved auksjon. I 1844 gir så Ole Olsen og Bent Torjussen skj på garden til Terje Christensen Valbeland.<sup>2</sup> Ved sk etter kona Helene Margrete Terjesdtr i 1862 overtar Terje garden for 1600 spd. Same året gifter han seg oppatt og deler garden. Han får sjøl vestre Hundland lnr 110 b (bnr 1, ny skyld mk 2.82). I 1873 gir han skj til kjøpmann Daniel Nielsen i Lillesand på eidedomen. Nielsen får same året au bnr 2 (mk 2.82). Terje Terjesen fekk skj frå faren Terje Christensen i 1865 på eidedomen for 800 spd. Men Terje fór til USA og selde i 1867 til sin yngre bror Matias for 700 spd. Matias selde så i 1873 til D. Nielsen.<sup>3</sup> I 1894 gir D. Nielsens arvinger skj til I. M. Daae for

22 000 kr. for heile garden, som i 1913 går over til Johannes og Justus Wiborg.

Hundland har 27 da dyrka jord og 1000 da produktiv skog. Daae leigde bort garden i 1897 til Ole Nilsen Topland. Forpakter nå (1956) er Ole G. Hundland, son til Ole Topland.

Sætehuset på Hundland er bygd kring 1800. Det må vere Guttorm Knudsen som bygde.

#### MERKNADER

1. Vindvann ligg i Vegusdal. Skal nok vere Øyevann, som det au står i kb.
2. Sjå Snølos-ætta.
3. Arnt Stensvand fortel det slik: Men Matias hadde den fikse idé at skoggårder svarte sig ikke, og da han hadde en hustru kommet fra flatbygdene (Skiftenes) så ønsket hun å flytte ned på slettlandet igjen, og Matias Hundland solgte da den prektige eiendom til kjøpmann Theodor Nielsen i Lillesand og Haaver og Lars Stensvand. Disse gav ca. 13 000 kr. for eiendommen i 1872 med alle herligheder. Driften i skogen i 20 år betalte eiendommen mange ganger og var en gullgrube for kjøperne. Men Theodor Nielsen døde i 1890, og så blev eiendommen solgt til Daae på Kalvild for 22 000 kr.

Kr. Stalleland har knytt noen merknader til dette: Eg skynar ikkje anna enn at han kyter vel mykje av Hundland. Serlig skyner eg lite at skogen der kunne betala garden mange gonger frå 1872 til 1890. Det måtte vera dei gode tidene etter 1870 som gjorde det, men etter 1880 var det svært krappe tider.



## RØYNELAND

Gnr 39

Røyneland er ein einbølt gard som ligg vest for Fillingtveit og byter til Steinsvatn i Birkenes. Garden har trulig lege øyde etter svartedauen og er tatt oppatt først på 1600-talet. Garden var då underbruk under Hundland og er så seint som i 1664 nemnt saman med Hundland i manntalet. Men i 1657 er Siffuor Rønneland nemnt som eigar av ½ hud. I 1643 finn me under Hundland: Siffuert Hunndeland eiger i samme gaard ½ hud. Under landskatten 1657: Siguor Røneland eiger og bruker ½ hud. Under kvegskatten same året er han oppført under Hundland, nå skreven Siufford! Så dei danske skrivarane har hatt mange vanskar med Sjugur, det gamle Sigurd som seinare blei til Sjur og forvanska til Sivert. I 1664 er han skreven Siffuer Andersen og er 60 år. Han har ingen søner.

Røyneland er i matr 1668 skilt ut frå Hundland med skyld 3 gsk og Sjur står oppført som eigar og brukar. Sidan er det lite og ingenting me høyrer om Røyneland før i 1711 då Peder Clausen Topdal i Kristiansand sel til Guttorm Assersen 3 gsk i R. for 70 rd. Guttorm blir ikkje sittande lenge med garden. Alt i 1716 sel han til Svend Pedersen Metveit<sup>1</sup> for 93 rd 4 ort. Dei som leigde garden, veit me lite om. Ole Rønland har ei dotter Siri til dåpen i 1694

og i 96 Inger. I 1701 sit Aanon Taraldsen der. Han er 40 år og har borna Torjus, Tarald og Anders. Ei dotter Aase 1706. Aanon d i 1710. I 1711 er det ikkje folk på garden.

I matr 1723 er karakteristikken denne: Skov til gds. behov. Lætvindt og skrind(!). På denne skrinne garden er det oppgitt ein utsåd på 2 tn og at dei kan fø hest, 3 naut, 3 sauer og 3 geiter. I 1744 har Sven 1 hest, 4 kyr, 1 kvie, 2 stutar, 4 geiter, 5 sauer, 1 kje, 3 lam og 2 små «garekalver». Det er ved skiftet etter Torborg Jensdtr, kona til Svend, me får greie på dette. Buskapen var såleis ikkje så ring, men Sven sette vel litt lange augo då skrivaren for sitt arbeid dro av med dei to beste kyrne og stuten Jannebar. Den andre stuten bar namnet Schrewesvend! Den ville altså ikkje skrivarren ha.

Svend åtte garden og hadde 15 rd att etter skiftet. I 1751 gir han seg i follaug til einaste sonen, Peder, som får 3 ksk for follaugget. Året før hadde elles Sven ei sak med den mektige Christen Tørresen i Mandal som prøver å ta frå han garden. Christen Tørresen viser til «lodseddel» ved sk etter Peder Clausen Topdal, slutta 19/11 1731, som viser «3 gsk i Rønneland anslagen for 70 rd». Dette gods seier Christen at han har arva «paa sin kiærestes

vegne» og han krev at Svend anten skal vike godset eller betale. Men Svend har sine brev i orden. Han legg fram skjøte av 11/2 1716 tingl 9/3 same året og kan prove at han har ått og bruka garden sidan den tid. Han blir au blankt frifunnen for søksmålet.

Året etter at Peder har overtatt, dør kona hans, Gjertru Herløvsdtr. Ho var trulig frå Vinsland i B. som ikkje ligg langt unna og der Herlaug-nanmet har halde seg ned gjennom tidene. Peder må ved sk m. a. greie opp med ei gjeld på 38 rd til rikingen Søren Svendsen Lunden som for dette drar av med 3 kyr og 2 stutar. Den beste kua er nå komen opp i 5 dl. Det er første gong me finn eit så høgt kuverd. Peder sit att med 1 blakk hest til 10 rd, 3 geiter, 1 sau og 1 bokk. Elles sit han ikkje ringt i det. Etter at gjelda er betalt, har han lausøyre for netto 39 rd. Og garden gjeldfri. Han gifter seg på ny. Og etter hvert går det nok nedover med velstandet, for i 1766 er han og kona Gjertru Nilsdtr oppført som fattige. I 1769 blir han dømt til å betale rådmann Jørgen Moe 96 rd. I 1785 held Frolands Verk «Execution udi 9 ksk i d.g. for Doms forlig med omkostninger 82 rd 12 sk hos Jens Pedersen . . . hvorpaa blev tegnet at Jens Pedersen ikke har tingl. hjemmel.» Og det var vel rett nok. Rådmann Jørgen Moe fekk i 1772 «Eiendomsdom i Peder Svendsens eiende 7½ ksk i d.g. nemlig 4½ ksk med 1 pr. og 3 ksk med 2. pr.» I 1776 transporterer han dette sitt krav til Guttorm Gundersen Tvede. Det var Øven Ellingsen Lunden som hadde 1. pr. i dei 3 ksk. Det samla kravet som rådmannen transporterer er på vel 100 rd.

I 1786 sel så Jens Pedersen 1 ksk til Guttorm Gundersen for 25 rd. Året etter er det skifte etter faren, Peder Svendsen, som då sit att med 3 ksk i garden verdsett til 82 rd. Det er heilt ute med han økonomisk. Lausøyra blir seld for å greie gravferdskostnaden og resten går til

gjeld og sk.kostnad. Garden går nå ut av ætta.

I 1789 sel sorenskrivar Finne, Ellef Øvensen, Øven Ellingsen (Lunden) og Jens Pedersen 3 ksk i garden til Christoffer Christensen for 122 rd. Han sel så i 1793 til Ole Bentsen Fillingtveit for same sumen. Ola Fillingtveit budde på garden i 1792, og brukte han. Ut-såden er oppgitt til 2½ tn bygg med avling 10 tn og ½ tn poteter med avling 4 tn.

Same året som Ola Fillingtveit får kjøp på dei 3 ksk i garden, kjøper Isach Christensen Stensvand og Omund Svendsen Østerland resten 6 ksk. Dei sel så i 1805 til Ole Bentsen Fillingtveit for 505 rd. Fillingtveit-folket driv nå garden som underbruk heilt til i 1880-åra. I 1839 får sønene til Ole Bentsen hver sin halvpart av Røyneland. Dei betalar hver 315 spd.

I 1859 skj så Beint sin halvpart over til broren Ola. I 1885 går garden over til ein av sønene, Øven Olsen. Og garden, som visst har lege der huslaus, får nå på ny brukar som bur der. Sætehuset som blei oppsett, hadde bror til Auen, Ole Mathias, først tatt til å bygge på Fillingtveit. Om dette fortel Kr. Stalleland: «Olav Mathias gjekk i 1875—76 på Kristiansand seminar og etla seg til skulemeister. Han tok til å byggja seg hus på Fillingtveit, som han ventelig hadde etla til å vera skulehus med bustad for læraren. Sjølv hadde han visst tenkt å vera lærar der. Men han fullførde ikkje lærarskulen. Og huset vart heller ikkje fullført. Nå tok dei dette huset og sette upp på Røyneland til bustad for Auen. Auen hadde Røyneland noen år. Men så selde han garden til broren Gunnar. Gunnar var gift og sat med Røyneland og Revstein til han døydde i 1895. Då vart Røyneland og Revstein seld til Kaldvell slipeverk.»

Øven Olsen Fillingtveit fekk skj i 1885 for 8000 kr. I 1887 skj han garden over til Gunder Olsen for 7500 kr. I 1895 gir så Ole O. Fillingtvedt som verge for den umyndige Ole

Gundersen skj til tolldirektør Daae på Røyneland og eit bruk i Repsten (Refsteina) for 8700 kr. I 97 leiger Daae bort garden for 5 år til Karl Halvorsen for årlig leige 150 kr. Frå 1905 leiger Gunnar Eliassen Rislåa. I 1913 sel så I. M. Daae denne garden og dei andre eigedomane han åtte saman med Kaldvil Træsliberi til Johannes og Justus Wiborg. I

1937 paktar dei garden for 5 år til Gustav T. Aas for årlig leige 200 kr. Gustav T. Aas har sidan vore brukar på Røyneland.

Garden har nå 13 dekar dyrka mark og 1500 dekar produktiv skog. Skyld mk 5.19.

## MERKNADER

1. Sjå Røyneland-ætta.

*Gunnar Eliassen er  
berbefor til Solvei Solveen + Gudrun Kullbren  
As Solveen &  
f. v.*

## FILLINGTVEIT

Gnr 40

I 1867 skreiv matrikkelkommissjonen om garden: «Fillingtved ligger avsides og langt fra vei og fra by og avsetningssted.» Nå går det rutebil like framom garden på vegen Grøsle—Østerhus, og den einbølte garden ligg ikkje lenger avstengt og veglaus som garden har lege der gjennom fleire hundre år.

Når garden blei rudd, veit me ikkje, men det ligg fleire land-gardar like ved: Beisland, Hundland, Røyneland — så det er vel helst trulig at Fillingtveit er frå same busettingstida, kanskje noe yngre. Noen tolking av namnet skal me ikkje gje oss inn på her, men bare nemne noe Kr. Stalleland har skreive: Det var alltid mykje skinn som hang i skålen på Fillingtveit — serlig fillingar, so Fillingtveit bar sitt namn, totte me.

Fillingtveit er etter skylda ein liten gard. I 1615 blei skylda sett opp med eit kalvskinn og var sidan  $\frac{1}{2}$  hud, og sett opp til  $\frac{3}{4}$  hud i 1668. Garden var kyrkjegods og hørde til Hommedal prestebol og kom først over i bonde-eige i 1824. Om det heiter det i panteboka: 1824 9/1 har Hans Majestæt Kongen meddelt Ole Bentzen skjøde paa  $\frac{3}{4}$  hud i Fillingtved, forhen benefisert Hommedals sognepræst, for auctionsbud 460 spd.

Den første brukaren me finn nemnt, er Hans Fillingsthuedt i 1610. Frå 1613 sit det ein som heiter Torjus på garden. Av jordeboka 1624 veit me at han heitte Torjus Guttormsen, eller Gutrumssen som dei skreiv. Han åtte  $\frac{1}{2}$  hud odelsgoods i Skribeland i Iveland. Han er nemnt fram til 1637. I 1645 er Aslach og hans quinde og en pige Gure der. Han heitte Aslak Anbjørnsen, var 54 år i 1664 og hadde sønene Gunner 11 og Torgius  $\frac{1}{2}$  år. Me kan då gjette på at Aslak var gm ei dotter av Torjus Guttormsen. Ho heitte Berit (Birette) og d i 1691 — 77 år gl. Den eldste av sønene, Gunner, hører me ikkje meir til, anna enn at han og mora i 1680 var i slagsmål med Sven Beisland.

Torjus overtok garden, men døde alt i 1696. Han var gm Siri Torjusdtr Flaa som døde i 1754. Dei hadde sonen Aslak f 1694 og ei dotter Birete f 1695. Ho døde på F. i 1742, då kalla Birthe. Siri var dotter til Torjus Olsen og Aase Andersdtr Ø. Flaa. Aslak vigde i 1728 med Siri Torgrimsdtr Hove og flytte til Hove i E. Siri Torjusdtr sat nok ikkje lenge enke på Fillingtveit. Ho var 2. g. gm Jens Larsen Østerhus i Redal. Dei hadde ei dotter Anne som var 48 år i 1747.

Siri sit som enke — for 2. gong — i 1701.



Fillingtveit og skole-  
huset.

Og likeins er ho nemnt i 1706. Ho g seg for 3. gong, trulig kring 1710, med Torjus Terkelsen. Han døde i 1747 — 74 år gl.

Siri og Torjus hadde ein son Torjus f ca. 1710 og ei dotter Siri (1714)—46. Torjus vigde i 1743 med Malene Olsdtr Beisland. Dei hadde ikkje born. Torjus døde i 1760, Malene i 1768.

I 1759 vigjer Ole Herlofsen Flaa med Birthe Olsdtr Fillingtved. Ho var brordotter til Malene. Og det var vel meininga dei skulle overta garden, men Ola døde same året. Ved sk i 1760 hadde dei ei dotter Torbør f same år. Berte sat ikkje lenge enke. Ho var heller ikkje noe ringt gifte, for ved sk var det lausøyre for omlag 100 dl netto. Søskenbarnet hennar, Bent Larsen Beisland, fann då au snart vegen til Fillingtveit. Og i 1761 gifte dei seg. Sjå Dokkedal-ætta om etterkomarane på Fillingtveit. Det var sonen deira, Ola, som kjøpte Fillingtveit. Halvsøstera, Torbør, vigde med Ommund Svendsen Østerland i 1781. Bent Larsen døde alt i 1765 og Berthe g seg for 3. gong i 1766

med Gunder Tergiussen «af Birckenæs Sogn». Dei fekk to døtre som begge døde før dei var årsgamle. Gunder og Berthe dreiv garden etter at Ola gifte seg i 1790

I 1784 blir «Gunder Fællingstvedt» dømt saman med ein Knut Robertsvigen til å betale 1 rd i skadebot til musikant Reback fordi dei hadde spela i eit bröllop på Udjus. Dei måtte au ut med 5 rd i sakskostnad. Elles veit me ikkje meir om Gunder. Han døde på F. i 1808 — 72 år gl.

Ole Bentsen overtok ikkje bygselen av Fillingtveit før i 1793. Gunder og Berthe brukte garden i 1792. Då sådde dei 3 tn bygg og avla 15, sette  $\frac{1}{4}$  tn poteter og avla 2 tn.

Same året som Ola overtar på Fillingtveit, kjøper han 3 ksk i Røynealand for 122 rd og i 1805 resten av garden, 6 ksk, for 505 rd.<sup>1</sup> Røynealand blei så gjenom mange år dreven som underbruk til Fillingtveit. Ola løyste som nemnt Fillingtveit i 1824.

Ola døde i 1838 og sonen Bent står då oppført som eigar i matr. Men sk var først året

etter. Då får brørne Bent og Ole hver sin halvpart i garden (og hver sin halvpart i Røyne-land). I 1859 gir Bent skj til broren for sin halvpart for 1000 spd.

I 1885 får Ole Matias Olsen skj på F. for 8000 kr. Broren Øven fekk Røyne-land for same kjøpesum. Ole Matias blei i 1896 kontorist og tømmermerker for Kalvild Træsliberi som direktør Daae åtte. Han flytta til Kaldvell og leigde bort garden. Og i 1903 selde han så Fillingtveit med  $\frac{1}{8}$  av Ose sag til Daae for 4500 kr. Daae, som tidligare hadde kjøpt Røyne-land og fleire andre gardar, sat med Fillingtveit til 1908. Då blei han ved overrettsdom plikta til å vike garden for Terje Aanonsen Tolleholmen. Terje som var gm dotterdotter til Ole Olsen Fillingtveit, fekk skj av Daae i 1911 for 7220 kr.

Om odelssaka fortel Kr. Stalleland m. a.:

Garden vart ved odelstakst sett i kr. 6000 eller noko lite meir. Men det var pant for ikr. kr. 8000. Då odels-søkjaren lagde taksten kr. 6000 fram paa bordet i retten, vilde Daae faa det til at odelsretten var spilt. For lovi sa at pantane maatte løysast. Han fekk ikkje medhald av retten i dette. Men han vreista det han kunde. Sispaa kom det til forlik, soleis at odels-søkjaren laut leggja pantegjeldi, men vart elles fri for all paatale.

Terje flytta til Fillingtveit i 1911, men han budde der bare i 3 år. Der var veglaust og av-sides. Han kjøpte ein gard på Grøm og budde der i 20 år til han i 1935 flytta tilbake til Fillingtveit då den nye vegen var komen. I 1939 fekk sonen Aanon T. Fillingtveit garden for 22 880 kr.

I 1951 selde han frå parsellen Seljebakken av skyld 9 øre til Landvik kommune for 900 kr. Fillingtveit har nå skyld mk 4.53.

#### *Litt om garden.*

I matr 1668 heiter det at dei kan så  $1\frac{1}{2}$  tn og fø 6 naut og 6 «smaler». I 1723 er utsåden oppgitt til 2 tn 4 skj og dei kan fø 1 hest, 4 naut, 5 sauer og 5 geiter. Ved sk etter Torjus

Aslaksen i 1696 var buskapen bare: 1 kvie, 1 stut, 1 liten stut, 5 sauer og 5 geiter. I 1747: 1 hest, 3 kyr, 13 sauer (faar creature), 4 geiter, 2 unggeiter og 7 kje. Dessutan 2 stutar (tjorar).

Det var elles då relativ velstand på garden. Buet etter Torjus Terkelsen hadde ein brutto på 71 rd og ikkje gjeld, medan Torjus Aslaksen eit halvt hundre år tidligare bare hadde laus-øyre for vel 30 rd og ei gjeld på nærare 100 rd. Dei fekk det ikkje så greitt kreditorane heller. For det dei hadde til gode fekk dei lausøyre. Presten, hr. Laurits paa Hommedal, som hadde til gode 1 rd får bare 1 ort  $\frac{4137}{4597}$  sk. Så hår-fint rekna dei. For dette får han m. a. 1 mjølk-amber for 6 sk, 1 kolle 6 sk, 3 silingsbøtter 12 sk, noe «udi en geed» osv. Og sameleis er det med dei andre kreditorane. For skifte-kostnaden 3 rd tar skrivaren kvia og 2 sauer. Han brydde seg nok ikkje om silingsbøtter! Dei hadde kvenn på garden. I 1747 er denne sett i 2 rd.

Me har nå ikkje skifteoppgaver før i 1839. Då har dei hest, 1 kyr, 2 kvier, 1 stut, 4 sauer og 10 geiter. Skrivaren får heller ikkje så seint som nå pengar, men tar hesten som er verdsett til 25 spd og 4 geiter for 6 spd.

Matr.kom 1867 fører opp at garden før hest, 7 kyr og 12 sauer, med merknad om at «hø tilkjøres fra Røyne-land og Risdal». Høyavlinga er 40 skp på Fillingtveit (og det same på Røyne-land). Dyrka jord 22 mål «middels sand-jord, endel myr». På Fillingtveit har dei utslåtter til 6 lass, men på Røyne-land heile 23 lass, så dei kunne nok ha stor buskap.<sup>2</sup> Dei sår 3 tn bygg med avling 15 tn, set  $2\frac{1}{4}$  tn poteter, avling 15 tn.

I 1875: 2 hestar, 1 stut, 8 kyr, 1 kalv og 18 sauer. Sår  $3\frac{1}{2}$  tn blandkorn og set  $2\frac{1}{2}$  tn poteter. Då hadde gamle Ola Olsen og kona god folkehjelp på garden: tri vaksne søner, 2 tenestgutar, den eldste Ole Guttormsen var vel elles nærast «pensjonist», for han var 74 år.

Dessutan hadde dei to tenestjenter. Dottera Ragnhild var gift noen år før. Det er vel frå den tid at Kr. Stalleland skriv: Dei tri gutane aat Ola og Karen heitte Olav Matias, Auen og Gunnar. Dei hermde etter systera Ragnhild at ho ropa dei heim såleis: Ola og Ola Guttersen, far og farbror Beint, kom heim og faa mat! Auen og Gunner, kom no!

#### *Skogen.*

Det er ikkje noen stor skogvidde til Fillingtveit. Arealet er oppgitt til 670 dekar, men garden er rekna som ein god skogggard. Arnt Stensvand fortel at då brørne Ola og Beint åtte Fillingtveit og Røyneland var «hele skogen besat med mastetrær», men Ola Matias selde heile skogen på 6" 12 fot til Kalvild noen år før han selde garden.<sup>3</sup>

I matr 1668 heiter det: Skouff til smaa stolper og barchoner, men i 1723: skov til brænding. I 1696 er det i sk m. a. oppført: 2 tylfter stolper liggende ved stuen i Fillingtveit skoug

a 2 ort 16 sk pr. tylft. Så det var ikkje rare prisane dei fekk. I 1867 er det oppgitt at dei kan selja for 35 spd 36 sk netto til året.

#### *Husa på garden.*

Det er oppgitt at sætehusa er bygd i 1750. Det må då vere Torjus Torjusen som har bygd dei. Blei påbygd i 1870, modernisert i 1914 og er nå på 90 kvm i 2 høgder. Uthus bygd 1871.

#### MERKNADER

1. Arnt Stensvand skriv at «Røineland hadde Bents far kjøpt til ham efter Peder Røineland som faldt i krigen». (1814.) Det kan ikkje vere rett. Det var ein Peder på Røyneland, men han var det sk etter i 1786.
2. Arnt Stensvand skriv: «Antagelig hadde de 10—12 kjær paa baasen, men foruten disse en større saueflokk og optil 30—40 gjeter . . . . gaarden svømmet i gjetemelk, og den gav sundhet og styrke». Som me ser hadde dei ikkje geiter i 1875, så geitehaldet var nok slutt då.
3. Etter Kr. Stalleland.

## AUSTLAND

Gnr 41

Austland ligg ved austenden av Austlandsvatnet, mellom Fillingtveit og Gusdal. Sidan 1903, då I. M. Daae på Kaldvell fekk tak i garden, har han vore på utanbygds hender.

Første gong me finn Austland nemnt, er i 1637. Då er «Østeland» forhøiet udi leding 1 ksk. I 1645 er Thollef og hans quinde og en pige Lif på garden. Det var Gauslaa-folk som åtte Austland. Under Landskatten 1647 er ført opp: Østerland ½ hud. Bent Beisland og hans medeiere biuger til Thølle Østerland ½ hud. Sameleis fram til 1656. Frå 1657 er Nils Gudlaugsen brukar. Nils Østeland svarar det året 2 ort 14 sk i kvegskatt. Nils Gulessen er 40 år i 1664. Har sønene Oluff, Halvor og Hans.

I 1668 blir garden sett opp i skyld til ¾ hud. Då er det ein Rasmus som er brukar. Så veit me ikkje meir om garden enn at det var Gauslaa-folk og Gauslaa-ætlingar som åtte han framover. I 1701 er Ole Christensøn brukar. I 1705 er Guttorm Knudsen komen til garden og er brukar i 1706. Han har ein son Christen i 1705 og Jacob i 1710.

### *Ein tragedie på den einbølte garden.*

Me veit ikkje meir om Guttorm Knudsen og borna hans. Men i 1713 kjem det opp ei leid sak på Aust-

land, ein tragedie blei utspela der på den einbølte skogsgarden. På Bringsverd ting er det 2. november det året føre ei sak mot Astri Christensdr Østeland «fordi hun i dølgmaal skal have fød barn, og aflet det med Berent Knudsen Ødegaard, som og indstefnet var». Det er ei syrgjeleg sak som fyller 16 sider i rettsboka. Astri, som rymde etter at saka kom opp, blir dømt for barnedrap: thi bør gedachte Astri Christensdatter til velfortjent straf for samme sin udædiske gierning i mod Guds og naturenes lov at miste hals og hendes hoved sættes paa stage. Derhos bør og hendes boeslod til Kongen være henfalden. Bernt Knudsen (som var frå Øygarden i B.) slapp lettare frå det. Han blir dømt . . . . paa sin yderste formue, og i fald han ikke have formue (det hadde han ikkje), da at straffes med fengelse paa kroppen udi 6 maaneder.

Det som gjorde saka ennå meir alvorlig og som sette bygda i affekt, var at Astrid var gift. Beint hadde vore der som slåttekar året før då mannen var borte. Me veit ikkje hvem mannen til Astri var, men det var trulig Guttorm Knudsen.

Den som gjorde at saka kom opp, var Gunvor Olsdtr Tjamsland som var innom Austland på veg til Gusdal dagen før bededag. Ho såg då at Astri hadde blod på seg og fortalde dette på Gusdal. Bededags morgon dro så Sven og Jørgen Gusdal og konene deira til Austland etter at dei først hadde henta Torjus Fillingtveit og kona. Jørgen Clemetsen Gusdal og kona Kari, Svend Gislesen Gusdal og kona Anne Gundersdtr, Torjus Terkelsen Fillingtveit og kona Siri Torjusdtr møter som vitne i retten og fortel hossen dei fekk Astri til å tilstå. Dei reiste til kyrkje etterpå og melde saka til



presten Munch, men etter lova var dette ikkje nok. Jørgen, Svend og Torjus blir dømt til å betale 6 lodd sølv (3 rd) for at dei ikkje hadde hindra Astri å ryme.

Også Ole Nilsen Inntjore, Jon Aanonsen og Jon Nilsen Dolholt må stå til rette. Dei er saka for å ha ført krøteret bort frå Austland som er deira gard, men blir frikient. Dei blir likevel plikta til å føre tilbake 1 ku og 8 «fæenne creature» som Astri åtte, til registrering.

Saka tok tri dagar. Det hadde vore registrering 16. mai ved lensmann Ton Ansteinsen Tjore og 2 laegrettemenn. Det var ikkje stort der var å skrive opp: 1 furre kiste 1 ort og 8 sk, «smaacreatur» 3 rd. I hørtskuldig gjeld blir det ført opp landskvld til dei tri eigarane med tilsaman 24 dl, så det blei nok ikkje noe til kongen.

#### *Garden som sjolveigarbruk.*

Ei tid etter at denne tragedien er utsøpla, kjem Omund Ivorsen frå Birkedal til garden.<sup>1</sup> Han får kjøp på garden for 50 rd i 1721. Same ætta sit så med garden til 1805. Då sel Omund Svendsen for 1380 rd. Det er så ikkje mindre enn 9 eigarar fram til 1825 då konsul Morten Kallevig sel garden til Christen Nielsen Haabesland<sup>2</sup> og Andreas Olsen Flaa for 650 spd. Christen overtar heile garden i 1830. Med i handlane tidligare var 1 ksk i Risdal og ½ ksk i Gusdal. I 1851 får sonen Tellef Christensen halve garden. Han får au <sup>12</sup>/<sub>17</sub> av det eine ksk i Risdal og jorda i Gusdal for 300 spd (bnr 2). Faren sit att med det seinare bnr 1. I 1879 skil han frå eit lite stykke (6 sk) til sonen Nikolai Kristensen (nå gnr 55 bnr 5 Bakken). I 1880 går bnr 1 over til sonesonen Peter Tellefsen. I 1883 får han au bruket (nr 2) etter faren for 3200 kr. Peter skj garden til I. M. Daae i 1903 for 11 500 kr.

I 1923 går Austland over til Johannes og Justus Wiborg saman med dei andre eigedomane som då låg under Kalvild Træsliberi.

I 1947 blei frå bnr 3 utskild Ulsgren—Holmevatnstykket av skyld 15 øre (bnr 3). John Daland fekk dette for 2725 kr.

#### *Eigar- og brukarreke gjennom 240 år.*

1721(1715)—1734	Omund Ivorsen
1734—1787	Svend Omundsen (Peder Guttormsen brukar ca. 1748—64)
1787—1805	Ommund Svendsen
1805—1806	Aanon Larsen Lunden og Gunder Aanonsen Torp
1806—1808	Sigvald Torbjørnsen Lunden
1808—1811	Torjus Alfsen Lunden
1811—1812	Marie Magdalena Smith, Froland Verk
1812	Nils Pedersen Tjamsland
1812—1816	Guttorm Knudsen Hundland
1816—1819	Lars Ommundsen Gusdal
1819—1821	Syvert Gundersen Torp
1821—1825	Konsul Morten Kallevig
1825—1830	Christen Nilsen og Andreas Olsen
1825—1883	Christen Nilsen og Tellef Christensen
1883—1903	Peter Tellefsen
1903—1913	I. M. Daae
1913—	Johannes og Justus Wiborg.

#### *Litt om garden.*

Matr 1668: Skouff til brendefang. Saar 1½ tn, før 6 naut, 6 smaler. 1723: Skov til smaa furre og granelast. 1 flomqvern til husbehov. Lætvunden. Det er oppgitt at dei kan så 2 tn 4 skj og fø hest, 4 naut, 6 sauer og 6 geiter.

I 1734 hadde Omund Ivorsen 1 ku, 2 kvier, 1 stut, 5 geiter, 6 sauer og 4 lam. Dessutan «1 blaked hest med sort man og rumpe» verdsett for 12 rd. I 1748 har dei hest, 6 kyr, 1 stut, 9 geiter og 6 sauer.

Opplysingane har me i sk etter Asgerd Terjesdtr, kona til Svend Omundsen. Dei har m. a. eit par sølvstaup, eit dusin tinntallerker og av «møbler» . . . . «3 mahlede staaer» verdsett til 2 ort.

I 1764 er det sk etter Peder Guttormsen og Torborg Omundsdr, søster til Svend. Dei hadde nok dreve garden, for Svend gifte seg oppatt og flytte til Beisland ei tid. Av buskap hadde dei 1 ku, 6 geiter og 9 sauer. 1 hest.

I 1787 gir Svend og kona seg i folaug til sonen Ommund Svendsen. Dei skal ha i folaug: 1 tn rug, 4¼ tn byg, 3 fjerding malt,

1 skj erter, 1 skj gryn, penge 8 rd, et faar creatur til at slagte, 2 kyr, nødige gange- og hel- ligdagsklæder, 2de opredde senger med nødv. sengeklæder, frit husværelse, lys og varme samt opvartning saavel i sundheds som fornemmelig i sygdoms tilfælde . . . . For dette skal Om- mund ha, når dei begge er borte, 4½ ksk i garden og ½ i Beisland sag.

I 1792 er det oppgitt at Omund sår 3 tn bygg, avling 15 tn og ⅛ tn poteter, avling 1 tn.

I 1806 bind den nye eigaren Sigvald Torbjørnsen seg til gjennom 6 år å levere til Fro- lands Verk 727 lester 3½ tn kol, . . . . hver lest beregnet til 1 rd 1 ort 12 sk. Dette skal vere for 1000 rd som han har fått låne av fru Smith i pant for garden Søysdal (i Froland). Kola skal han levere . . . . med saa meget han hvert aar kan avstædkomme til Froelands Jern- værks kullhus i Birkaas, men, heiter det . . . . skulle derimod ikke det bestemte kvantum inden de 6 aar er udløben være leveret, erlæg- ger han 2 ort i erstatning til Verket for hver læst som mangler. Det var nok ei kontrakt han ikkje kunne greie — 1455 tønner kol til året. Han hadde gitt 1700 rd for garden. I 1808 sel han til Torjus Alfsen for 1814 rd. Og den nye eigaren er ikkje snauare enn at han gjer kontrakt med Frolands Verk om å levere 80 lester kol årlig for 1 rd 2 ort pr. lest. Han har lånt 900 rd av fru generalkrigskommisær- inde (!) Smith og får 256 rd mot 2. pr.

Torjus dør på Austland i 1811 — 48 år gl. Han hadde fått lånt 1000 rd i 1809—10 av ein Engelbret Fasland. I 1809 sel han eikeskogen i Austland og Risdal til Peder Jacobsen Nør- holmen for 150 rd, for drift i 10 år. Han kjøpte i 1808 eit ½ ksk i Gusdal av Lars Ommundsen. Det var eit skogstykke «Qværne- husbakken kaldet».

Torjus var gm Asgerd Jacobsdtr, mor til Lars.

Ved sk i 1811 er det inflasjonsprisar. Der er ein blakk hest som blir sett i 300 rd. Ku- prisen er 100 dl. Lausøyra kjem opp i ca. 613 rd, men blir selt ved auksjon året etter for ca. 764 rd. 4½ ksk i Austland, ½ ksk i Risdal og part i Beislands sag blir verdsett til 1200 rd, ½ ksk i Gusdal til 200 rd, men dette blir selt året etter for 2850 rd.

Det blir fru Smith på Frolands Verk som får slått til seg garden. Ho sel i 1812 til Nils Pe- dersen Tjamsland for 5000 rd. Men Nils sel same året til Guttorm Knudsen Hundland for 6100 rd. Han hadde då seld Hundland for 8000 rd. Lars Ommundsen Gusdal som overtar i 1816 for 3200 rbd n.v. sel i 1819 til Syvert Gundersen Torp for 833 spd. Han låner pengar av Morten Kallevig, som i 1821 slår til seg 6 ksk i garden for auksjonsbod 321 spd. I 1824 får han så resten på auksjon, 3 ksk i Austland, 1 ksk i Risdal og ½ ksk i Gusdal for 310 spd. Konsul Kallevig sel så som nemnt i 1825 for 650 spd.

I 1867 har Austland 18 mål dyrka «almin- delig sand og myrjord», utslåtter til 4 lass, 4 mål dyrkingsjord. Garden kan fø 6 kyr og 8 sauer. Dei sår 2 tn bygg og set 2 tn poteter på dei to bruka det er då. Skogen kan gje for netto 50 spd årlig, noe meir enn det som er oppgitt for Røynealand. Garden blir karakteri- sert som frostlendt.

I 1875 har dei på dei to bruk tilsaman 2 hestar, 7 kyr, 10 sauer og 1 gris. Dei sår 1½ tn bygg, 1¼ tn havre og set 8 tn poteter, så garden må då vere svært godt dyrka og dreven.

#### MERKNADER

1. Sjå Austland-ætta.
2. « Haabesland-ætta.
3. Budde på plassen Bakken. Nicolai og kona og ein son Ole Kristian er der i 1875. Har 3 kyr og 1 sau, sår ¾ tn bygg og set 2½ tn poteter. Nicolai selde i 1885 til Andreas Gassesen Heldaas. Sjå elles Risdal.

## GUSDAL

Gnr 42

Gusdal er ein gamal gard. Det har vore kjempehaug der. Då dei grov han ut, fann dei ei øks og fleire andre ting.<sup>1</sup> Før den nye vegen Grøslø—Østerhus kom, låg garden — som dei andre gardane i «Vesterbygda» — «avsidet og langt fra vei og by og avsætningssted». Elles førde det ein eldgamal driftsveg framom Gusdal og Gusdalsmyrane og ned Bjørkos daler, ein veg som serlig blei nytta om vinteren av gardane i Vesterbygda og dei næraste gardane i Birkenes.<sup>2</sup>

Gusdal er ingen liten gard. Skyldet var 2 huder, sett opp til 2½ hud i 1668. Men dei var leiglendingar dei som sat på Gusdal på 1600-talet. Garden har mange eigarar og skiftande lagnad også etter den tid. Det har vore oppdeling og fråsal heilt til den seinare tid, med i alt 21 bruksnr.

Den eldste brukaren me kjenner, er Aavold Gussedal, nemnt i 1610 som «husmand». I 1624 eig Ouwel Toeressen Gussedall til odel i G. 4 ksk. Dei andre eigarane var Bjørn Annonsen Myrethraa (hans qvindes giftingsgods) 1 gsk, Oluf Torbjørnsen (Møretro?) 1 gsk, Tonne Annonsen Midstu 4 ksk og Niels Jensen Thiusekiell (på hans qvindes vegne) 10 ksk. Tilsaman blir dette 24 ksk, eller 2 huder som skyldet då var. Garden har då trulig

høyrte til ein ættekrins i Redal, som me ikkje nå kan klarlegge heilt.

Alt godset i Gusdal kom sidan på utanbygds hender (Kristen Hjort?). Thorkel og hans qvinde sat på Gusdal i 1645. I åra 1647—57 «biuger» Elenne Ryen garden til Torkel. I 1657 betalar Karen Gussedal, som trulig er enke etter Torkel, 3 ort 2 sk i kvegskatt. Landkommissjonen 1661 fører Anders Holte (Oddernes) som eigar, og garden «besiddes av Ollue og Niels Torchelsøner». Men odelsskatten same året nemner Aanon Dolholt som eigar på vegne av kona og borna. Han var gm Signe Andersdtr Holte. Og Gusdal er såleis noe av heimanfylgja hennar. Men trulig er det bare halve Gusdal Signe fekk, for i 1668 då garden blir sett opp i skyld til 2½ hud, eig Anders Holte 5 og Aanon Grebstadt 5 gsk. Aanon Grebstadt er den same som Aanon Dolholt, han budde på Grefstad ei tid. Brukarar i 1668 er Olffue og Niels. Olve var 34 og Nils 32 år i 1664.

Me kan vel rekna at garden er delt kring 1660, sidan Olve og Nils Torkelsøner er nemnt som brukarar i 1661. Og sidan har det vore 2 hovedbruk på Gusdal, bnr 2 (og 12) som Terje E. Stalleland eig, og bnr 7, eigar tannlege G. Stray, Arendal.

Me skal prøve å finne eigarane og litt om

brukarane fram gjennom tidene. Og me tek då til med det som Anders Holte stod oppført som eigar av i 1668, og som me då gjerne kan kalle «Holtebruket». Det er, vil me finne ut, i det store og heile det nåverande

*bnr 2.*

Det var Olve Torkelsen som leigde dette bruket av Anders Holte frå 1660-åra og utover. Olve døde i 1703 — 78 år gamal. Broren Nils leigde av Aanon Dolholt. Det er av dette me kan slutte at det var det andre bruket som Olve hadde. Han hadde ei dotter til dåpen så seint som i 1692. Ein son Nils døde i 1694 — vel 6 år gl. Meir veit me igrunnen ikkje om Olve. Noe skifte er ikkje funne.

Sven Gislesøn var brukar i 1701. Han vigde 1696 med Anne Aanonsdtr, enke etter Anders Christensen Valborgland. Og dei flytta trulig straks til Gusdal. Stesonene Kiddel, Christen og Gunder Andersen er hos Sven Gislesen i 1701. Christen kom tilbake til Valbeland,<sup>3</sup> men Gunder fekk kjøp på bruket i Gusdal i 1722, og dette bruket blei då sjølveigargods, og dei har sidan vore eigarar dei som har sete på dette bruket, unnateke åra 1899—05, då konsul C. B. Evensen i Arendal også hadde slått denne garden under seg.

Sven Gislesen var trulig brukar til stesonen Gunder Andersen kjøpte garden i 1722, 5 gsk for 150 rd. Me veit ikkje hvem som åtte garden etter Anders Holte, men dei som selde var Torje Tellefsen Aarsnes, Jakob Andersen Natvig og Osmund Ellefsen Vesterhus.

Gunder Andersen sat godt i det, i motsetnad til dei som bygsla det andre bruket. Han var likna for ei eiga på 100 rd i 1743. I 1764 let han garden gå over til brorsonen Jørgen Christensen Valbeland. Jørgen hadde garden til 1780. Då let han ein slektning, Berthe Taraldsdtr, få garden. Ho var gm Clemmed

Christensen (Nærebo?). Clemmed selde garden i 1794 til Anders Pedersen Røinaa for 799 rd. Ommund Larsen Grøslé<sup>4</sup> får så bruket 1¼ hud i 1797 for 999 rd. Han hadde tidligare kjøpt ein part av det andre bruket 1⅞ ksk for 125 rd, og kjøpte sidan til så han til slutt hadde 1 hud 6¾ ksk i garden. Ommund Larsen sat godt i det. Ved sk etter han i 1805 åtte han netto 1193 rd. Av dette var jordegodset verdsett til 937 rd.

Det gjekk visst ikkje fullt så godt for sonen Lars som overtok. Det var ein heller stor søskenflokk som skulle dele, 3 gutar og 3 jenter. Mora gifte seg oppatt med Torjus Alfsen (Olsen) Østerland. Lars fekk skj i 1808 og sel same året eit skogstykk til stefaren for 200 rd. Stykket blei skyldsett til ½ ksk. Og det har sidan høyrte til Austland. I 1814 sel så Lars 3 ksk til Nils Pedersen Tjamsland for 760 rbd. Med i denne handelen fylgde 1/12 i Grøslé sag. Stykket blir utskild ved «udbytningsforretning» i 1815. Sjå om dette under Granemyr. Same året blir utskilt 3 ksk som Lars hadde selt til Arne Olsen Skiftenes. Lars sit då att med 12¼ ksk. Men han må ha hatt vanskelig for å greie seg, for i 1816 sel han til Guttorm Knudsen Hundland som då sat på Austland, for 5400 rbd. Han kjøper att Austland 9 ksk med 1 ksk i Risdal og ½ ksk i Gusdal for 3200 rbd.

Guttorm Knudsen let same året som han kjøper bruket i Gusdal, sonen Knut få noe av garden. I 1818 pantset dei garden til Salve Kallevig & Søn for 400 spd. Guttorm må gå vidare på lånevegen, som så mange andre i desse vanskelige åra. I 1826 får han låne 322 spd av konsul Pharo i Grømstad mot 2. pr. Desse pengane tapar Pharo då garden går til auksjon i 1833. Auen Jensen Birkedal slår garden til seg for 550 spd. Han sel same året til slektningen Jens Aslaksen Bæreli for 600



Fremst Terje E. Stallelands gard med nybygde utbus, t. h. eiegdomen til tannlege G. Stray.

spd. Jens sit med garden til i 1836 då han sel til Christen Ommundsen Heimdal for 500 spd. Med i denne handelen var  $\frac{1}{8}$  i «Grøslø eller Birkaas sag». I 1849 blir plassen Søyla  $\frac{3}{4}$  ksk utskild. Sjå bnr 3.

Christen Ommundsen var gm Signe Bentsdtr. Dei hadde bare ei dotter som levde opp, Gunnil Gurine f 1840. Ho vigde i 1861 med Knud Børresen Lande frå Vegusdal. Dei overtok garden etter Christen i 1887. Men Knud døde alt i 1890. Knud og Gunhild hadde 8 born, men fleire døde små, eller i ung alder. Den nesteldste, Helene Birgitte f 1865 gm Even Kittelsen Iglan i 1892. I 1890 blir fråskild parsellen Myrene med  $\frac{1}{9}$  av gamalt skyld, nå bnr 12 av skyld mk 0.59. Det høyrer nå til hovedbruket. Dette fekk konsul C. B. Evensen auk-sjonsskj på i 1899 for 8000 kr. Skyld mk 5.00. I 1902 sel han frå Storemyrstykket bnr 15 av skyld 40 øre. Restskyld mk 4.60. Evensen sel så i 1905 til Even Aresen Metveit for 10 000 kr. Same året blir fråskild frå alle bruksnr (1—15) to parsellar, hver på 4, skogstykk og

med skyld 45 øre på hver parsell (Gusdalsheistykket, Breimyrheistykket m. fl.). Dei får bnr 16 og 17. Det var nok stykke som hadde lege i sameige sidan Gusdal var eit bruk. Frå bnr 2 gjekk då frå 30 øre i skyld. Same året blir fråskild parsellen «Dolholtjønnyra» av skyld 3 øre (bnr 18). Hovedbruket hadde då att skyld mk 4.37. Terje Eivindsen (Terje E. Stalleland) overtok så i 1922 hovedbruket og bnr 12 av sk 37 øre for 10 000 kr. Han selde i 1953 frå parsellen Rugskallen av sk 10 øre (bnr 21) til Normann Urdal for 2000 kr.

Bnr 2 og 12 har 25 dekar innmark og 1100 dekar produktiv skog. Sætehusa er bygd i 1800 i  $1\frac{1}{2}$  høgd 65 kvm, modernisert 1951. Uthusa var au frå 1800. Det må vera Ommund Larsen som sette dei opp. Terje Stalleland har nå bygd nye uthus.

#### *Bnr 1 Granemyr.*

Som nemnt under bnr 2 selde Lars Ommundsen 3 ksk i 1814 til Nils Pedersen Tjamsland. Utskift i 1815. I 1823 selde Nils  $2\frac{3}{4}$  ksk til

Gunder Olsen for 190 spd. Gunder Olsen var frå Flaa i Birkenes og han rydda og bygde på Granemyr.<sup>5</sup> Pengane til kjøpet fekk han ved lån av konsul Pharo i Grømstad i 1824. Han hadde i 1823 vigd med Ragnhild Svendsdtr som var frå plassen Myrane. Dei fekk sju born som alle vaks opp, men det var nok ikkje så godt å greie seg på det vesle bruket. I 1838 ser me at Gunder gir Pharo eit 2. pr. pant for 59 spd 36 sk. Og i 1848 går bruket til auk- sjon. Sonen Ole Gundersen får tilslaget for 110 spd. Ole var sagemester i Bjørkos, kom i 1855 til Kaldvell og sidan til Maløya. Han står som eigar i 1867 (Ole Gundersen Mal- øen). Bruket har då 10 mål dyrka mark «stør- stedelen myr, heller simpel». Dei avlar 2 tn bygg og 5 tn poteter og før 2 kyr og 3 sauer. Det høyrer skog til som kan gje for 6—7 spd årlig.

Det blir broren Sven som overtar bruket. Han vigde i 1871 med Anne Susanne Aanons- dtr Gusdal.<sup>6</sup> Dei hadde 10 born. Svend fekk skj i 1881 for 720 kr. Året før hadde han kjøpt Lonestykket bnr 11, som var utskild frå bnr 8 (Gunebulia) i 1870 og kjøpt av Ole Gundersen. I 1899 slår konsul C. B. Evensen til seg bnr 1 og 11 for 2700 kr. I. M. Daae på Kaldvell blir eigar i 1902 for 3500 kr. I 1913 går eigedomane over til Johannes og Justus Wiborg. Dei sel i 1935 frå parsellen Granemyr som blir utskild med bnr 19 av skyld 30 øre, og likeins bnr 11 Lonestykket av skyld mk 0.46 til Kristen Røineland for 6500 kr. Bnr 1 har nå restskyld mk 0.87. Wiborg har att den beste skogen.

#### Bnr 3 Søyla.

Me så at Nils Pedersen Tjamsland selde 2¾ ksk av dei 3 ksk han hadde kjøpt av Lars Om- munsden og som blei utskild i 1815. Hva blei det så av med den parten som Nils sat att med? Det får me greie på i 1843 då det blir

gitt «Auctions skjøde til Terje Terkildsen Udjus paa Nils Pedersen Tjomslands boes eiende ¼ ksk, solgt ved auction 29/9 1839 for 19 spd 26 sk, vedhæftet udatert erklæring fra bemeldte Nils Tjomslands arvinger, om at et stykke mark og pladsen Søile er indbefattet under salget».

Det er første gong me høyrer om plassen Søyla. Det var nok ikkje halde noen utskifting på denne jorda. Utskifting blir først halde i 1849. Då blir Søyla utskild frå lnr 114 b (nå bnr 2) med skyld ¾ ksk eller 22 sk og får lnr 114 c, seinare bnr 3. Johanne Eriksdtr hadde kjøpt plassen av Terje Terkelsen i 1844 for 50 spd.

I 1826 vigde Andreas Olsen Gusdal med Johanne Eriksdtr Birkaas. Dei bur sidan på Gusdal. Og me kan gå ut frå at det var dei som rydda og bygde på Søyla. Det var ikkje folk der i 1801. Andreas var ikkje frå Gusdal. Det er vel trulig at han var bror til Gunder Olsen Flaa som hadde kjøpt Granemyr og rydda dette bruket. Andreas døde i 1842 — 51 år gl. Han var gm Johanne Eriksdtr Birk- aas i 1826. Johanne sat enke då ho kjøpte Søyla. Ho var ikkje frå Bjørkos, men f på Ve- gårshoi i 1804. Dei hadde borna Ole 1827, Tellef Christian 29, Erik 32, til V. Moland 56, Gunder Christian 34, til USA 53, Lovise 36 g 62 med Terje Christensen Hundland. Dei budde ei tid på Søyla. Gjertru 39 g 67 med Arne Knudsen Beisland, til Søyla. Johanne 42 g 63 med Staale Gundersen frå Konsmo, til Kiland.

Johanne fekk i 1845 ein son Johannes med Lars Haaversen Stensvand. Han bleiv i Bjørkos- elva 17 år gl. Johanne vigde oppatt i 1850 med Terkel Osulsen Kiland. Han gjekk gjennom isen på Sønle januar 1872. To år før hadde han selt Søyla til Arne Knudsen Beisland for 200 spd. Arne døde i 1875. Gjertru sat då som enke på Søyla med ei dotter som var f same året som faren døde.

Det var ikkje stor jordvidd til bruket, bare  $1\frac{3}{4}$  mål i 1867. Utslått til 4 lass høy. Kan fø ku og 4 sauer, utsådd  $\frac{1}{6}$  tn bygg og 1 tn poteter. I 1875 har Gjertru 2 kyr, sår  $\frac{1}{2}$  tn havre og set 1 tn poteter.

Gjertru får heimelsbrev på eigedomen i 1879, men makeskifter med svogeren Terje Hundland i 1882. Same året får Terje Terjesen Hundland eigedomen for 1400 kr. I 85 skil han frå bnr 4 Doblemyrstykket. Han sel så bruket i 1887 til Ommund Aasulsen Vinsland (Bjønnebyr). Prisen var 1100 kr. Ommund var gm Helene Margrete, dotter til Terje Christensen Hundland.<sup>7</sup> Dei hadde 9 born i åra 1883—1904. Den eldste av sønene, Aasul f 1885 fl. til Hauseland i Fjære. Han fekk skifteskj på eigedomen i 1935 for 4500 kr. Hans yngre bror Terje O. Søiland kjøpte så bruket året etter for 5500 kr. I 1954 fekk sonen Arnold Søyland bruket for 7500 kr. Det var i 1947 fråskild bnr 20 Brentehoi av skyld 1 øre som Terje sit att med.

Bnr 3 har nå skyld mk 0.24. Eigedomen har 10 dekar dyrka mark og 400 dekar produktiv skog.

#### Bnr 7.

Dette er det andre hovedbruket i Gusdal, det me kan kalle «Dolholtbruket». Gamalt skyld 1 hud 3 ksk. Det er uråd å gjera greie for alle som åtte part eller parter i dette bruket ned gjennom tidene. Utskifting på dette bruket kom først i 1849. Aanon Nilsen Gusdal som hadde  $9\frac{3}{4}$  ksk fekk lnr 115 a, seinare bnr 7, Engel Olsen Skiftenes  $3\frac{3}{4}$  ksk fekk lnr 115 b, seinare bnr 8 Gunebulia, og Clemet Andersen Udjus som sat med  $1\frac{1}{2}$  ksk, fekk lnr 115 c, seinare bnr 9. Bnr 8, 9, 10, 16 blei i 1936 slått saman med bnr 7, og i 1939 også bnr 17, eigar tannlege G. Stray, Arendal. Bruket har 20 dekar dyrka mark og 2000 dekar produktiv skog og er såleis nå ein av dei største skog-

gardane i Landvik. Sætehusa på garden og likeins uthusa er frå ikring 1800. Sætehusa er bygd i 2 høgder, 90 kvm. Det må vere Anders Nilsen Gusdal som bygde dei. Han var av den gamle Dolholt-ætta som hadde ått dette bruket frå 1660-åra.

Soneson til Anders, Aanon Nilsen, sat hardt i det. Og då han døde måtte enka gå frå garden, som blei seld på auksjon i 1853. Sidan har det vore mange eigarar til G. Stray kjøpte i 1919. Han gav 135 000 kr., med seinare tilkjøp 136 500 kr., for eigedomane i Gusdal og Tolleholmen. Dei som selde var Gj. Homdrom, Ole J. Oland og Jørgen O. Oland. Dei hadde kjøpt opp desse eigedomane 1912—13 for samla kjøpesum 84 500 kr. Det kan nemnast at Jørgen O. Oland frå Gjøvdal kjøpte bnr 7 og 10 hausten 1912 for 35 000 kr. Aslak Aslaksen Midstøl, ein skogspekulant som også opererte saman med Ludvig Longum, hadde kjøpt av Gunelius Kittelsen Gusdal same året for 21 000 kr. Gunelius tykte vel det var ein høg pris han blei boden, for han hadde sjøl gitt 4800 kr. i 1895.

Det var som nemnt Aanon Dolholt som åtte dette bruket i 1660-åra. Og Nils Torkelsen bygsla det. Han var bror til Olve som sat på det andre bruket. Nils høyrer me siste gong om i 1680 då han får ei bot på 12 dl for leiermål. Ole Clemetsen er brukar i 1701. Han døde i 1706 — bare 32 år gl. Etter han kjem Jørgen Clemetsen, trulig broren. Jørgen døde i 1717 — 48 år gl. Han var gm Karen Andersdtr Valbeland. Ved sk 1719 hadde dei borna Anders 10 år, Targier 7 og Clemet 3 år. Jørgen hadde sete i stor gjeld. Ved sk hadde han ei bruttoeige på  $47\frac{1}{2}$  rd, men gjelda var  $152\frac{1}{2}$  dl. Det meste var kjøpmannsgjeld. Jon Aanonsen Dolholt hadde til gode landskyld  $2\frac{1}{2}$  rd, så me veit at det var han som åtte dette bruket då. Buskapen var 3 kyr, 2 kvier, 6 sauer, 1 lam, 2 verar, 4 geiter, 2 fjorgl. geiter, 2 kje og 1

hest. Det var svært lite dei hadde, av sengeklæde bare 1 rye (2 ort) og 1 grå «vammelsdyne», 3 rd, 1 par strielagen. Ikkje linklæde av noe slag.

Etter Jørgen Clemetsen kjem Ole Andersen Hardeberg til dette bruket.<sup>8</sup> Då Jon Aanonsen Dolholt gir over sitt bu i 1729 eig han 7½ ksk i Gusdal, eller halve «Dolholtbruket». Ole Andersen døde i 1730. Enka Karen Christoffersdr g seg oppatt med Ole Aslaksen Skiftenes, men han døde i 1734 — bare 31 år gl. Ole Andersen hadde ein son Christoffer som var 10 år i 1734. Då Karen sat enke for 2. gong, er det ein Anders på garden. I 1741 blir gravlagd Anders Gusdals qv. Marete 32 år. I 1743 vigjer Anders Jørgensen Gusdal med Aase Olsdr. Dei flytter til Eskedalseie i Fjære. Anders kan me gå ut frå var son til Jørgen Clemetsen, som tidligare hadde pakta garden.

Karen Christoffersdr døde i 1742 — 54 år gl. Året etter gifter sonen Christoffer Olsen seg med Berte Børgesdr Sundtjønn og dei overtar nok garden. Berte døde i 1746, og Christoffer året etter, bare 26 år gl. Ved sk etter Christoffer er det opplyst at kornet som låg i løa ved registreringa, nå er treska og hadde gitt 5 tn «godt korn» (a 1 rd 2 ort) og 4 tn «ringere» (a 1 rd). Buet hadde ei bruttoeige på 73 rd, men 83 i gjeld, så det ser ut til at brukarane på Gusdal hadde vanskelig for å greie seg. Nils Grøm (Dolholtfolk) hadde til gode landskyld vel 6 rd, og Anders Imenes vel 11 rd. Anders Aslaksen Imenes var gm Johanne Jonsdr Dolholt. Fram til 1790-åra sit han og sønene med ¼ av Gusdal, 7½ ksk. Han fekk 1½ ksk med kona, resten har han så bytt til seg eller kjøpt.

Brukar etter Christoffer Olsen er nok Lars Olsen gm Asgier Olsdr. Dei hadde ein son Ole til dåpen i 1749. I 1752 fester Anders Imenes 7½ ksk til Thorbjørn Olsen. Me veit

dette fordi Thorbjørn møter i retten i 1758 og gir forklaring om dette godset.

Knud Guttormsen vigde i 1754 med Guri Torbjørnsdr og dei fester 7½ ksk i 1754, trulig det godset som Nils Andersen Grøm hadde. Thorbjørn døde i 1764 — 70 år gl. Svigersønen Knud Guttormsen overtar nå heile bruket. Det ser me av ekstraskatten i 1766. Då er Jørgen Christensen (sjå bnr 2) og Knud Guttormsen på Gusdal. Og i Gunebolia Guttorm Andersen.

Dolholt-folk og Dolholt-ættingar hadde som me har sett, ått halve Gusdal i over 100 år. I 1770 kjem så ein av ætta til garden. Det var Anders Nilsen, son til Nils Andersen Grøm og Berte Guttormsdr Gunebolia. Ho døde på Gusdal i 1787 — 60 år gl. Anders Nilsen hadde i 1762 kjøpt 5 ksk i Gusdal av Nils Andersen Grøm. Men Anders flytta nok ikkje til Gusdal før etter 1776 då han leigde 7½ ksk i garden av Aslak og Aanon Anderssoner Imenes. I 1778 sel Anders dei 5 ksk han hadde kjøpt til Knud Guttormsen for 450 rd, men han kjøper att halvparten same året for 225 rd.

Knud brukte i 1775 3 gsk i garden, dvs. heile «Dolholtbruket», og hadde hest, 4 kyr, 4 geiter og 6 sauer. Då Anders kjem til garden, blir det 2 på dette bruket. I 1786 fødte Anders 4 kyr, 3 geiter og 3 sauer.

Enka etter Knud Guttormsen sel i 1787 dei 2½ ksk Knud hadde i garden til ein Christen Halvorsen for 300 rd. Anders Nilsen blir nå brukar av halve Gusdal. I 1790 sel Imenes-arvingane dei 7½ ksk i garden til Thor Kildelsen, Torggrim Jørgensen Bringsvær, Nils Taraldsen Klepp og Stian Jørgensen Konnestad for 590 rd. Ommund Larsen får sidan kjøp på noe av dette godset (sjå bnr 3), 3¾ ksk. Anders Nilsen tar og til å kjøpa opp partar i garden. I 1790 kjøper han 1¼ ksk for 249 rd. I 1800 får han 1⅞ ksk som Nils Taraldsen



Klepp sat med. Same året kjøper han på auk-  
sjon for 255 rd dei 2½ ksk som Christen  
Halvorsen hadde overtatt i 1787. Og endelig  
kjøper han i 1810 av Aslak Sørensen Imenes  
⅝ ksk for 100 rd. Og han sit nå med 8¾ ksk  
i garden. Engel Olsen Skiftenes kjøper i 1811  
av Anders og Lars Aslaksøner 1⅞ ksk for  
140 rd.

På denne tid er det to mann med namn  
Anders Nilsen som har tilknytting til Gusdal.  
Anders Nilsen Udjus hadde fått tak i 1¼ ksk  
i garden som han i 1811 sel til Nils (og Lars)  
Andersen Dolholt. Året etter kjøper Anders  
Nilsen det tilbake med ⅛ i Bjørkos sag for  
250 rd. I 1815, då Granemyr blir utskild frå  
bnr 2, blir dei partane som Anders Udjus  
og Engel Skiftenes hadde, utskilt. Om den  
siste parten heiter det at jorda har vore «brugt  
fælles med gaardens overopsiddere».

Anders Nilsen Gusdal var med i Lofthus-  
reisinga. Han døde i 1811. Sonen Nils Ander-  
sen er ikkje på Gusdal i 1801, men er nok  
komen heim like etter, då han har born til  
dåpen i åra utover. Han hadde ein eldre bror  
Rasmus som 1811 selde sin arvepart til broren,  
vel 2 ksk for 200 rd. Nils sit med 9¾ ksk  
i garden i 1820, då han får lån av konsul  
Pharo 300 spd. I 1828 gir han 2. pr. pant  
til Chr. Pharo for 296 spd. Han får meir gjeld.  
I 1845 er det eksekusjon for gjeld til Johannes  
Westergaard i Årendal 24 spd 118 sk. Det blir  
tatt utlegg i 2 kyr, 9 sauer og 1 spisslede, alt  
taksert for 31 spd. Same året får han låne 82  
spd av Terje Christensen Valborgland «med  
1. pr. i Debtors Løsøre-effecter og creature,  
samt hvert aars paa hans eiende gaardepart  
voxende avling indtil gjelden skadesløs er be-  
talt». I 1847 er det ny eksekusjonsforretning,  
denne gong for gjeld 48 spd 27 sk til A.  
Benzens Enke. Nå går garden til auksjon, i  
1848. Gjerul Terkelsen His får tilslaget for  
380 spd. Året etter sel han til Aanon Nilsen

for 400 spd. Han får «statslån» til løysing av  
odelsgarden. Året etter låner han 70 spd mot  
2. pr. Aanon dør i 1852 — 49 år gl. Enka  
må då gå frå garden. (Sjå Gunebulia).

Lars Jensen Dokkedal og sonen Jens Larsen  
kjøper så bruket i 1853 av ex. juris Christensen  
som hadde slått eigedommen til seg ved auk-  
sjon. Dei betalte 640 spd. I 1870 kjøper Jo-  
hannes og Anders Larssøner til bnr 10 som  
blir utskild frå bnr 8, Gunebulia. Og dei sel  
så same året til Christen Knudsen Valborgland  
for 1500 spd (bnr 7 og 10). Frå hovedbruket  
9¾ ksk (10 ksk) blir i 1877 utskild 1⅞  
ksk, bnr 5, til Matias Torjusen. Hovedbruket  
har då att 8⅞/9 ksk eller 2 dl 13 sk, ny skyld  
mk 4.36. Marthe Torjusdtr, enke etter Christen  
Knudsen, skj så i 1883 bruket til Anders Knud-  
sen for 10 900 kr. Men denne handelen må  
det likevel ikkje ha blitt noe av, for i 1887  
blir ho utlagd garden for 6000 kr. Ho gifter  
seg oppatt med Salve Guttormsen. I 1895 får  
ho uskiftebevilling som enke. Same året sel så  
Marthe garden til Gunelius Kittelsen Igland  
for 4800 kr., som tidligare nemnt.

Frå bnr 7 gjekk i 1905 frå mk 0.28 i skyld  
då dei tidligare nemnde fellesstykkje blei utskild.  
Restskyld mk 4.08. Til dette kjem dei bnr som  
seinare er slått saman med bnr 7.

#### *Bnr 8 Gunebulia.*

Gunebulia var gamal plass under Gusdal,  
og ligg omlag 1 km sør for garden og noe  
høgare. Plassen er trulig rydda først på 1700-  
talet. I matr 1723 står oppført at husmann  
Guttorm Knudsen sår 1 skj. I 1724 har Gutt-  
orm Gunebolien barn til dåpen. Guttorm dør  
i 1763 — 84 år gl. Det var sikkert nok den  
same Guttorm Knudsen som var brukar på  
Austland i 1706. Veit ikkje hva kona heitte.  
Hadde døtrene Ane 1724 g 48 med Anstein  
Stenersen Skiftenes. Berthe (26). Ein son An-  
ders 1742. Til Gusdal. Elen 27—90. Kirsten

1730 g 56 med Anders Andersen Birkedal (sjå Birkedal-ætta III). Dei var i Gunebulia 1760. Anders døde der i 1786 — 59 år gl. Guttorm Andersen som festa plassen i 1786 av Aslak Andersen Imenes var trulig sonen hans. Han var gm Ane Olsdtr. I 1792 budde dei i Gunebulia og plassen kan ikkje ha vore så ring, for det er oppgitt ein utsåd på 2 tn bygg med avling 12 tn og 1 tn poteter med avling 10 tn. Og dei hadde tenestjente der. I 1801 har dei borna Kirstine 14 år, Ole 10 år (d før 1823), Andreas 7 og Ragnhild 3 år. Det var au ein son Anders får me vite av sk etter Ane Olsdtr i 1823. Det er det einaste skifte me har funne frå Gunebulia. Kirstine (Ane Christine) var då død. Ho hadde vore gm Lars Andersen Guldsmedmyra u. Frivoll. Det var lausøyre for 51 spd, men gjelda var vel 46 spd, og resten går til skiftekostnad. Den hadde då m. a. 2 kyr, 2 vaksne geiter, 1 årsgl, 1 bokk, 2 kje, 2 sauer. Eit «sølv lommeuhr med kjede» verdsett til 8 spd var pantsett for 6 spd, og ei sølvskei til 1 spd var au pantsett. Den beste kua var sett i 14 spd.

Ingen av sønene overtar plassen. Denne blir i 1825 festa til Gutorm Aanundsen Rebstad. Han døde der i 1842 — 59 år gl. Aase Tostensdtr, enke 55 år, vigjer i 1843 med Anders Petersen Udjus. I 1850 får Anders kjøp på dei 3⅜ ksk som Johannes Engelsen Skiftenes åtte i Gusdal og som var utskild frå bnr 7 i 1849 med skyld 4 ort 4 sk. Anders gav 200 spd for eigedomen. Aase døde i 1860 og alderen er nå oppgitt til 80 år. Året etter vigde Anders med Gunhild Nilsdtr, enke etter Aanon Nilsen Gusdal. Dei fekk ei dotter året etter, men ho døde i 1866. Anders døde 1867 — 69 år gl. Gunhild fekk då bruket. I 1870 sel ho frå 23 sk, det seinare bnr 10 til Johannes og Anders Larssøner, og 2 ort 18 sk til Ole Gundersen, det seinare bnr 11. Ho sat då att med 1 ort 2 sk, ny skyld mk 0.33. Bruket fekk Gunhild

ved testamente frå mannen sin. Om det var det tingsvitne 1867, men dette blei først tinglese i 1888.<sup>10</sup> Dette året gir ho skj til sonen Nils Aanonsen for 700 kr.

Anders Petersen hadde i 1854 kjøpt ½ ksk av det som Clemet Andersen Udjus hadde i garden. I 1888 kjøper så Nils Aanonsen resten av dette stykket 1 ksk for 420 kr., ny skyld mk 0.43, seinare bnr 9. I 1905 gir eigarane av bnr 1—15 skj til Nils Aanonsen for bnr 16 av skyld mk 0.45 for 900 kr. Det var som nemnt 4 skogstykk som tidligare hadde lege i sameige. Same året blir det gitt løyve for enka etter Nils Aanonsen, Odine Johnsdtr, til å sitte i uskift bu. I 1913 sel ho Gunebulia bnr 8, 9 og 16 til Aslak Aslaksen og Ludvig Longum for 13 200 kr. Dei sel same året til Gjermond G. Homdrom, Ole J. Oland og Jørgen Oland for 23 500 kr. Med i denne handelen var au bnr 17, det andre fellesstykket som Aslaksen og Longum hadde fått for 1800 kr. Dei tente såleis stort på denne handelen. Sjø elles under bnr 7.

I 1867 er det oppgitt at Gunebulia har 5 mål dyrka jord, temmelig simpel sand og myr, med utslåtter til 4½ lass høy. Dei kan fø 2 kyr og 4 sauer, og sår 1 tn bygg og set 2 tn poteter. I 1875 har Gunhild Nilsdtr 2 kyr og 5 sauer, sår 1 tn havre og set 2¼ tn poteter. Skogen til det som Gunhild sat med i 1867 blei rekna å kunne gje 11 spd netto for året.

*Bnr 4—5 og 6, 13, 14 og 15.*

I 1885 blei frå bnr 3 Søyla fråskild Doblemyrstykket, nå bnr 4 av skyld mk 0.10. Terje Hundland fekk dette stykket. I 1882 hadde han fått bnr 5 som var utskild frå bnr 7 i 1877 til Matias Torjusen som selde til Terje for 1400 kr. Skyld mk 0.54. Terje Terjesen skilde i 1899 frå Styggedalsstykket bnr 13 av skyld 16 øre frå bnr 5, og Styggedalsstykket bnr 14 av skyld 4 øre frå bnr 4. Selde så same

året bnr 4—5 og 6 til C. B. Evensen for 3500 kr. Evensen selde i 1901 til Edvard T. Metveit for 4000 kr. I 1907 gjekk eigedomane til Terje Matiassen Hunsdal, som så i 1910 selde til Aasulv O. Gusdal for 3000 kr. Med i handelen var au bnr 15. Han selde same året til Tellef Olsen Næset for 3470 kr. Terje T. Grøsle blei eigar 1929. Bnr 6, Storemyrstykket var utskild frå bnr 11 Styggedalstykket. Skyld mk 0.36. Svend Gundersen selde dette til Terje Hundland i 1887 for 1000 kr. Osul O. Gusdal hadde fått bnr 13 og 14, Styggedalstykket, av Terje T. Hundland. Han selde i 1911 til Aslak Alslaksen Midstøl for 3500 kr. Han selde same året til Mikkel Tvedt for 4000 kr. Mikkel Tvedt selde året etter til Martin Vennessland for 5000 kr. I 1917 kjøper så Osul Gusdal (Osulf O. Hausland) att eigedomane for 6500 kr. Dei går sidan over til Terje T. Grøsle som i 1949 sel bnr 13—14 til John Daland for 7000 kr.

Bnr 15 Storemyrstykket blei utskild frå bnr 2 i 1902 med skyld 40 øre. Det fylgde med då Terje Matiassen Hunsdal selde til Osul Gusdal og i salet vidare til Tellef Olsen Næset. Alle dei nemnde bnr gjekk i 1929 over til Terje T. Grøsle for 23 000 kr.

#### PLASSAR

Gunebulia, Granemyr og Søyla som opphavlig var plassar, er tidligare nemnt. Utanom desse veit me om plassen Gusdalsmyrane eller *Myrane*. Panteboka 1826 opplyser at då «har Guttorm Knudsen Gusdal festet til Guttorm Svendsen et stykke mark kaldet Myrene». Far til Guttorm Svendsen var Svend Guttormsen frå Sør Audnedal som i 1794 vigde med Berthe Andersdtr. Svend er i 1801 inderst og daglønner på Gusdal. Me kan då gå ut frå at han hadde fått seg opp hus på Myrane. Dei hadde elles budd i Bjørkos der dottera Ragnhild blei f i 1795. Ho vigde i 1823 med Gunder Olsen

som rydda Granemyr. Guttorm var f på Igland i 97. Dei hadde og ein son Anders som var 2 år i 1801. Dei er då trulig komne til Gusdal kring 1800.

Guttorm vigde i 1828 med Maren Larsdtr Rodalen. Dei hadde borna Sven 29, Lars 33 og Gunder Elias 40. Lars vigde med Ane Olsdtr. Dei flytte til Berge i Fj. 1864. Gunder Elias vigde i 1868 med Sille Marie Nilsdtr Rodalen. Den eldste, Sven, vigde i 1858 med Maren Øvensdtr Skiftenes (Øygarsmyr) Dei flytte til Skaregrøm i Fjære same året, sidan busett i Øygarsdalen.

Guttorm Svendsen lånte 23 spd av o.r.sakf. Klevenberg i 1860 med pant i «udstederens Rydninge og bygningsarbeider paa hans plads Myren under G. tillige med de til vaaningshuset nagelfaste indretninger». Det er det siste me høyrer om Guttorm. Plassen blir trulig nedlagd ein gong i 60-åra. Det er ikkje folk der i 1875.

Arnt Stensvand fortel at det au var ein gamal plass inne ved Lommetveittjøna. Om denne plassen har eg ikkje funne noe.

#### MERKNADER

1. Etter oppl. av Kr. Stalleland.
2. Etter Arnt Stensvand som fortel at ein Anders Gusdal (bror til Aanon Nilsen?) i 1830-åra arbeidde for å få veg gjennom Bjørkos daler til Austland. Vegen blei oppmålt, men det stranda på at vegen ikkje kunne førast vidare frå Bjørkos.
3. Sjå Valbeland-ætta.
4. Sjå Holtebu-ætta.
5. Etter oppl. av Arnt Stensvand som skriv: Paa Gusdals grund blev for over 100 aar siden ryddet en liten gaard som kaldtes Granemyr. Opprinnelig var det husmannsplass, men den blev skyldsatt og kjøpt av eieren. Det var opprinnelig Gunder Olsen Flaa i Birkenes som ryddet den. Han var bror av Nils Olsen Høiklev, stamfar til Høiklev-familien. Mest kjent er denne familien fordi sønnene Olav og Svend var saa flinke skyttere. Navnlig var Ola Granemyr en meget berømt bjørneskytter i begynnelsen av 50-aarene. Han skal ha

- nedlagt 13 bjørner i heiene mellem Redal og Birkenes og forøvrigt i Øvre Landviks sogns skoger og fjell. Ved nedleggelsen av den trettende bjørn kom Ola Granemyr i livsfare, da bjørnen satte like paa ham. Men Ola fikk satt børsesepipen i kjeften paa bjørnen og trukket av. Fra den tid skjøt Ola Granemyr ikke flere bjørner.
6. Sjø Flaa-ætta. Granemyr.
  7. « Snøløs-ætta — Valbeland og Koveland-ætta (Øye). Ommund var av den gamle ætta på Øye.
  8. « Hørte-ætta.
  9. « Dolholt-ætta.
  10. Kr. Stalleland fortel saga om Gunnebulia slik: Aanon Gusdal budde på Gusdal og døydde der. Garden vart då seld. Enkja Gunhild, dotter til Nils Stoveland, flutte med borni ut til far sin paa Klingremonen. Men so kom Nils, den andre sonen hennar, opp til Gunnebulia aa gjæta for Anders Udjus og Aase, kona hans, som var husmann i Gunnebulia. So døydde Aase, og Anders gifte seg oppatt med enkja etter Aanon Gusdal. Og etter Anders Udjus, som ingen born hadde, kom Gunhild og borna hennar til aa bu i Gunnebulia. Dei løyste plassen og kjøpte jord og skog, so det no er ein liten gard.

## BJØRKOS

*Gnr 43 og 44*

På vestsida av Syndle ved ein lang og trong kil som Bjørkoselva lagar, ligg Bjørkos, inneklemd mellom Rossefjellet i sør og Knibeheia i nordaust. Her var det frå gamalt to små gardar, Vestre eller Nedre Bjørkos og Austre eller Øvre Bjørkos. Dei fekk i den nye matrikkelen hvert sitt gardsnr, gnr 43 Vestre Birkaas og gnr 44 Østre Birkaas.

Bjørkos er ikkje noen gamal gard. I mt 1664 er både Bjørkos og Syndlesøya nemnt under Imenes, men er nemnt sjølvstendig under Landskatten 1656 mellom gardar som har fått sitt skyld påsett: Øster og Wester Birchaas 4½ gsk. 1657: Endre Birchaas leyer av Aasbør Jortued og bruker 1½ gsk. Elling Aslagnen bruker 2 gsk, Øyen Poulss. Nerbø eier og bruker 1 gsk. Bjørn Grøm har 1½ gsk i 1661. Einner(Endre) Olssen er leigar. I 1664 betalar Aslach Ellingsen W. B. 1 dl i husmannsskatt, Endre Øster Birchaas ½ dl. Under kvegskatten 1657 finn me au Aslak og Endre. Aslak var 42, Endre 70 år i 1664.

I matr 1668 er skyldet nedsett då Austre og Vestre Bjørkos hver står med ½ hud. Aslak eig 2 ksk i Vestre B., Børe Tønnevold eig Austre B. Om den siste garden heiter det: Skouff til brendefang og ei mere, saar 1 fjer-

ding, før 4 naut og 6 smaler. Vestre Bjørkos: Saar 3 fj, før 3 naut og 4 smaler.

Så finn me ikkje noe om garden før kring 1700. I 1699 er det ein Siver Birchaas som har sonen Peder til dåpen. Dei høyrer me ikkje meir til. I 1701 er det ingen som bur i Vestre Bjørkos. Jens Møretro, Lars Søndelsøen og Haagen Stornes brukar eigedomen. Det budde ikkje folk der gjennom heile hundreåret, heller ikkje i 1801. Garden høyrde mest Møretro-folket til, seinare Torp. Først ut på 1800-talet, då sagbruksdrifta tok seg opp, kom det folk der som me sidan skal sjå. Vestre Bjørkos er oppdelt i ei mengd partar, i alt 12 bruksnr nå.

### *Bjørkos austre gnr 44.*

Anders Christensen er leiglending på Øster Birchaas i 1701. Alderen hans er oppgitt til 70 år. Han døde i 1714 og alderen hans er då 81 år. I 1726 dør Guro B. — 90 år gamal. Me må gå ut frå at ho var kona til Anders. Noe skifte etter dei er ikkje funne. Sonen, Hans Andersen, er ført opp 14 år gl i 1701. Han døde i 1758 — 76 år gl, og må vere f ca. 1672. Han vigde i 1711 med Anne Jensdtr Møretro (1684)—1743. Dei hadde borna Anders (1713), Maren gm Christen Hansen Holte,

Jens (1720) g 46 med Birthe Andersdtr Raanen. Dei fl. inn i Ronnen, men kom i strid med den mektige Christen Kjøbmand som åtte Landvig og dermed au denne plassen, og Jens måtte nok flytte frå. 1759 er han på Lundemoen i V. M. Broren Ole, den yngste av søskenflokket f 1726 er i 1759 «paa Lillesanden». Dei hadde søstrene Ane (1723)—63 og Gunhild f 1724 g 59 med Nils Pedersen Storenes.

I 1723 er Elluf Thomassøn eigar av Øster Birchaass. Hans Andersen brukar garden, som får denne karakteristikken: Tungvindt. Frost og skinnemt. Utsåd 1 tn 4 skj. Før 3 naut, 4 sauer og 4 geiter. Vestre Bjørkos er oppført utan utsåd, men med fór til 2 naut. Anders Hansen Bjørkos vigjer i 1748 etter kgl. løyve med sitt søskenbarn Guri Andersdtr Mørtræe. Mor til Anders Bjørkos var syster til Anders Jensen Mørretrø, far til Guri.

Anne Jensdtr døde i 1743. Ved sk var bruttoen 47 rd, netto 32. Dessutan  $\frac{3}{7}$  ksk i Vestre Bjørkos. Dette var nok arv frå Mørretrø. Ved sk i 1744 hadde dei hest, 3 kyr, 3 geiter og 2 sauer. Skrivaren tok for sin umake 2 kyr (6 rd), ei bindøks og ei handøks. I 1749 får Sr Nils Ellefsen av Hans Ellefsen og arvingar transport på  $\frac{1}{2}$  hud i B. for 70 rd. Han sel same året til Anders Hansen for 100 rd. Og Anders sit nå som sjøleigar. Han hadde trulig fått hjelp av Mørretrø-folket til kjøpet. Same året kjøper han  $1\frac{1}{2}$  ksk i V. Bjørkos av Jon Nilsen Midstu for 31 rd. Dette kjøpet gjorde han ihop med Kiddel Andersen Mørretrø. Kiddel hadde 3 år tidligare kjøpt  $1\frac{1}{2}$  ksk i same bruket for 34 rd 2 sk. I 1755 kjøper Anders  $\frac{9}{16}$  ksk i V. B. og  $\frac{3}{4}$  part i «et skovstykke Tromoehejen kaldet». Han sel i 1762 jord i Mørretrø og kjøper att av Kiddel Andersen året etter  $\frac{1}{2}$  ksk i B. for 11 rd.

Anders og Guri fekk 4 jenter, men tri av dei døde som barn. Den nestyngste, Guro, f 1754 vigde i 1773 med John Halvorsen Eide,

men døde året etter, bare 20 år gamal. Og med henne dør ætta på Bjørkos ut.

I 1775 sel Anders Hansen Austre Bjørkos  $\frac{1}{2}$  hud og 3 ksk i V. B. til John Halvorsen for 600 rd. Han tar dei i follaug mot at han får alt lausøyre etter dei og 400 rd som han blir skyldig ved kjøpet. John måtte elles ha pengar, for same året låner han 100 rd til Salve Aasulsen Øyde mot pant i Øye. John gifte seg oppatt med Guri Larsdtr Vinsland (B). Dei fekk to søner og to døtre som alle døde små. Fire born levde opp: Ane f 1783, Gurine 86, Giertrud 87 og Lars 90. John fekk nok kjøp på resten av V. Bjørkos, for i 1789 sel han denne garden til Kiddel Andersen Mørretrø for 470 rd, etter at dei har vore i sak om eigedomen. John skal ha kvennstø og plass på V. Bjørkos som før, men Kiddel skal ha «raadighed over vandet til sin skiørsel og saugdrift saa længe dermed ingen skade tilføies John Halvorsen paa hans ager og eng», heiter det i forlik i 1788. «Fæbeedet» og hestehamn skal vere felles for begge bruka «for saa mange kreature som av hver gaards avling kan vinterfødes».

I 1792 avler John 10 tn bygg på garden med utsåd  $1\frac{1}{2}$  tn, og 2 tn poteter med utsåd  $\frac{1}{4}$  tn. Han har tenestgut og jente. I 1795 sel han til Jakob Ellefsen Tingstveit for 750 rd og flytter frå, same året som Anders Hansen og kona dør. Jakob Ellefsen stykker ut bruket i 1799 då han sel 4 ksk til Aanon Pedersen Stie for 350 rd. I pantereg. for 1800 heiter det under Birkaas:  $\frac{26}{5}$  haver Jacob Ellefsen Tingstved solgt 2de skovstykker i d.g. kaldet Knibeheien og Mellemsheien til Ole, Knud og Osmund Christenssønner for 550 rd. Han gjorde såleis god forretning på dette gardkjøpet. Same året «er Ellef Olsen Birkaas hjemlet 4 ksk i B for gjorde auctionsbud 389 rd.» Eilev må ha flytta til noe før. I 1799 har Ellef Olsen Birkaas og Ane Andersdtr dottera Gunil til

dåpen. Ho døde året etter. Ellef er 29 år i 1801, Anne 42. Dei har ei dotter Tergier 4 år.

Prisane må ha stege svært i denne tida. Jakob Ellefsen hadde ikkje kvitta seg med heile Bjørkos i og med salget av dei to skogstykkje i 1800. I 1802 sel han  $\frac{2}{3}$  ksk i B. til Lars Terkelsen Hafstad, John Nilsen Dolholt og Aanon Thorsen Vatnestrand for 480 rd. Det må vel vera vassrettane dei har vore ute etter når dei betalte slik pris for  $\frac{2}{3}$  ksk. Ellef Olsen — han er nå kalla Ellef Olsen Risdal — kjøper dette att i 1808 for 220 rd. I 1819 kjøper han så av Ole Christensen Bjorhuslia  $1\frac{1}{4}$  ksk i B. og  $\frac{1}{24}$  i B. sag for 400 spd. Det var nok dette som var fråselde i 1800.

I 1818 er Targier Ellefsdtr gm Anders Aanonsen. Dei har då dottera Aase, i 1820 sonen Elef som sidan overtok Bjørkos. Han døde på Landvig 1903. Han hadde der kjøpt garden med det gamle v. Kampens hus som nå er reve.<sup>1</sup> Anders Aanonsen overtok nok ikkje garden før Ellef Olsen døde i 1844. I 1838 står Ellef Olsen og Anders Aanonsen som eigar av lnr 117 (2 ksk). Ellef har aleine 4 ksk lnr 118. Han sel i 1842 til Ole Olsen i Grimstad «et vandfald paa nordre side av elven under B. med tomt og rettigheter» for 50 spd. Anders Aanonsen sel så til same kjøpar  $2\frac{10}{19}$  ksk i 1847. Kjøpesum ikkje nemnt. Året etter sel han så resten til sonen Elef for 400 spd. Det går gale med Ole Olsen og sagbruksdrifta hans og i 1853 kjøper så Øven Terkelsen Hesthagen og Ole Terkelsen Torp hans part i Bjørkos for auksjonsbod 550 spd. Samstundes får dei skj på det Ole Olsen hadde i «den gamle Birkaas saug»  $\frac{61}{228}$ , for 50 spd. Ola Torp hadde kavert for Ole Olsen som sjølvskyldnarkausjonist i 1847. Så det var vel derfor han kjøpte. Dei tapte ikkje på kjøpet, Hesthagen-karane, for dei sel same året til kjøpmann Christian Holst i Grimstad for 650 spd.

Me kan ikkje sjå at det som Ole Olsen fekk utskild i 1847 er kome med i matrikkelen under Austre Bjørkos, heller ikkje under V. Bjørkos. Austre Bjørkos hadde i 1847 ei skyld på 6 ksk eller 1-4-12 og etter utskiftinga  $3\frac{9}{19}$  ksk eller 1 dl 12 sk, og dette skyld har garden hatt sidan. Forklaringa er nok at det bare var vassretten som var seld frå garden. Matr.kom 1867 fører Chr. Holst opp som eigar av 116 d V. Bjørkos av gl skyld 15 sk. Me får vite at det er Vandfald med Saugtomt som dei set i skyld 18 øre. Og under Austre B. lnr 117 og 118 a gl skyld 4 ort heiter det «samme vandfald men en anden tomt». Dette fører dei og opp med skyld 18 øre, men det er altså ikkje tatt med i matr 1889.

Ved sk etter kona Marthe Engelsdtr i 1862 blir Ellef Andersen utlagd  $3\frac{1}{2}$  ksk (1 dl 12 sk) for 800 spd. I 1887 skjøter han garden til svigersonen Terje Tellefsen Grøsele for 5530 kr.

Matr.kom gir opp at garden har 9 mål dyrka, «temmelig skarp sandjord og endel myr», så det var ikkje stor jordvegen der. Utslåtter til 5 lass høy. Kan fø 2 kyr og 4 sauer, men Ellef hadde i 1875 hest, 3 kyr, 8 sauer og gris, sådde 1 tn bygg og sette 3 tn poteter. Han er ført opp som gaardbruger, selveier, skibsreder. Dei hadde to tenestjenter.

Garden går i 1902 ved sk etter Terje Grøsele over til Anna Oline Andersdtr Bjørkos, dotter til Anders Ellefsen, for 4000 kr. Ho var gm Sigbjørn Berntsen. Dei selde i 1913 til skogspekulantane A. Aslaksen og Ludvig Longum for 10 000 kr. Dei selde så i 1915 til H. M. Kleppen og M. M. Kleppen for 16 000 kr. I 1917 tok Landvik kommune eigedommen for 21 000 kr. Med i dette kjøpet var gnr 46 bnr 2 Valbeland. I 1949 skilde kommunen frå jordvegen og omlag 300 dekar skog som dei så selde til Knud Antonsen og Anton Knudsøn

for 22 000 kr. Kommunen sit att med bnr 2 Knibeheia av skyld mk 1.60.

Bnr 1 har nå skvld mk 2.23. Bruket har 14 da dyrka mark. Dei nye eigarane bygde nye sætehus og uthus i 1951.

#### *Bjørkos vestre gnr 43.*

Nedre Bjørkos har som nemnt hatt mange eigarar ned gjennom tidene. Kiddel Andersen Møretro fekk heile eignedomen i 1789. Året etter gjekk garden over til arvingane hans. I 1821 kjøper Aanon Gundersen Torp både Møretro og Bjørkos. I 1822 blir det utskild  $1\frac{1}{2}$  ksk til Ingeborg Kiddeldstr og  $\frac{3}{10}$  ksk til Astri Kiddeldstr. Dei hadde nok drive sagbruk i Bjørkos i lang tid. Ved denne utskiftinga blir det au bytt ut partar i Birkaas eller Grøse privilegerede saug. Det blir au bygd hus der i denne tida. Jakob Tallaksen som var gm Maren Andersdtr Beisland er der frå 1832 og utover. Han leiger i 1840 av Knud Gundersen Møretro, som var gm enka etter Aanon Gundersen Torp, dei  $4\frac{1}{2}$  ksk som Aanon hadde kjøpt, for årlig leige 10 spd. I 1835 fester John Baardsen plassen Bjørkoslia av Ellef Olsen og bygger der. Og ikring 1850 kjem Kittel Christian Kristensen frå Austland til Bjørkos. Han døde der i 1896. Sonen Kristen budde der lenge etterpå.<sup>2</sup>

#### *Då det var sagbruksdrift og stor trafikk i Bjørkos.*

I slutten av 1700-talet og utover var det stor trafikk med levering av kol i Bjørkos. Det stod eit kolhus der som Frolands Verk åtte. I ein kontrakt frå 1806 ser me såleis at eigaren av Austland bind seg til å levere 727 lester kol som skal vere levert innan 6 år «med saa meget han hvert aar kan avstædkomme til Froelands Jernværks kullehus i Birkaas». Arnt Stensvand skriv: I gamle dage var det livlig i Bjørkos, da der både var sagbruk i gang det meste av året og Bjørkos var leveringssted for trevarer, bord, planker, skibstømer og kull til Frolands Verk og til Gurebu. Den megen ferdsel og trafikk gjorde at bonden eller bøn-

dene i Bjørkos hadde etslags privat spisekvarter og losji til reisende. Rett som det var måtte formenn fra kjøpmennene opp fra Grimstad og Arendal for å kjøpe last, bord og planker og minst 3 måneder når vinterføret var på det beste var det stasjonert en kullskriver. Det store kullhuset stod i en bakke ved stranden.<sup>3</sup>

Kr. Stalleland skriv m. a.: Det var Kristian Holst i Grønstad som sette upp og dreiv Bjørkos sag. Ved 1850 var det helst 4 hus det budde folk i der i Nedre Bjørkos: Sagstova der Jon sagmeister budde og so huset og bruket der Jakob Bjørkos budde. So budde Kjetil Kristenson frå Austland i eit hus lenger nede. So stod det eit hus utpå Bjørkosmonen tett utmed Syndle. Der budde Jon Baardsen, bror til den kjende Bernt Baardsen og til Berulv Baardsen, ei tid.

#### *Sagbruksdrifta*

er nok eldre enn frå 1850-åra, som me har sett. Det var elles kjøpmann Ole Olsen i Grimstad som for alvor tok til med sagbruksdrifta i Bjørkos. Han kjøpte i 1842 vassrett av Ellef Olsen og sidan fleire av dei gamle sagpartane. I 1844 får han kgl. bevilling til i 15 år «at skjære udskibningsbord paa en av ham ombygget saug — 4 blade paa denne g.» (Bjørkos). Men det gjekk som nemnt ut med Ole Olsen, og Holst overtok i 1853. Året etter flytter John Olsen Ruffen, 25 år, frå Fjære til Bjørkos. I 1857 vigjer «saugmester» Øven Salvesen Birkaas 26 år, med Anne Serine Andersdtr Krogen. John var gift i 1855 med Trine Knudsdtr Jomfruplass. Begge huslydane budde i Sagstova<sup>4</sup>. Det var nok elles ikkje så mange år den store sagbruksdrifta stod på. I 1875 budde bare Kittel Kristensen der med huslyden sin. Han var husmand med jord, dagarbeider, skovarbeide. Vidare budde Margrete Jakobsdtr der saman med ei søster og ei tenestjente. Margrete dreiv med å sy, serlig mannfolkklæde og var kjend for arbeidet sitt vide om. Ho døde av tæring 1886. Kiddel Kristensen hadde i 1875 2 kyr, 1 ungdyr, 5 sauer og gris. Sådde  $\frac{1}{2}$  tn bygg og sette 3 tn poteter. I 1867 er den dyrka jorda oppgitt til  $10\frac{1}{2}$  mål skarp sandjord. Det er då Nils Larsen Enertrø og Lars Johannesen Lunden som er eigarar.

\*

Nedre Bjørkos er som tidligare nemnt mykje oppdelt. Bnr 1 blei først fråskild eit par partar i 1867. Resten blei så delt i 1875. Bnr 1 som opphavlig var dei  $4\frac{1}{2}$  skind som Aanon Torp



kjøpte, fekk ny skyld mk 1.25. Margrete Jakobsdtr fekk kjøpe dette same året ho døde av Lars Johannesen Lundens arvingar for 2800 kr. Ole Sørensen Mjaaland frå Laudal f 1852 kjøpte så i 1887 for 2160 kr. Det var nok bare halvparten av husa som fylgde med, for i 1905 får han skj frå Gunder Olsen Imenes på «bl. a. ½ del av husebygningene staaende paa d.e.». I 1926 går bnr 1, 3 og 11 over til sonen Søren O. Bjørkos for 11 250 kr. Han sel så i 1929 til Lars Torp for 10 000 kr. Det vil elles føre for langt å gjere greie for alle dei utskilde partane. Anders Stie fekk i 1953 bnr 2 Heirenes etter Tellef T. Stie som hadde kjøpt i 1916 for 900 kr.

Gunder Olsen Imenes selde i 1916 bnr 4, 6, 7 og 8 til Landvik kommune for 14 500 kr.

Kristen Kittelsen fekk i 1883 kjøp på bnr 10 av skyld 10 øre for 800 kr. I 1892 kjøpte han bnr 5 av skyld mk 0.59 for 1000 kr. Han selde til Tellef Hundland og Alfred Johannesen for 5000 kr. i 1929. Dei selde til Magnus Imenes i 1941 for 10 000 kr. Kristian Kristoffersen Jaavold (Sæland) fekk i 1907 auksjonskj på bnr 9 av skyld mk 0.99 for 900 kr.

Frå bnr 11 er fråskild bnr 12 Store Bjormyr, som Olga Seland kjøpte av Ellen Torp i 1940 for 250 kr.

#### PLASSAR

I 1835 bygsler John Baardsen plassen Bjørkoslia av Ellef Olsen for årlig leige 2½ spd. Han vigde i 1837 med Tarjer Terjesdtr Skiftenes og dei var i Bjørkoslia i alle fall til 1853. Dei hadde 6 born, men bare 2 jenter vaks opp. John kom sidan til Østerhus der han døde i 1869 — 71 år gl. Det var visst elles folksamt på denne plassen. I 1842 har såleis Berent Baardsen og kona Dorthe Aanonsdtr, tilh. Birkaas, ei dotter til dåpen.

I kyrkjeboka for 1845 kan me lese at tenest-

dreng Osul Torjusen Birkaas er død 9/12 — 11 aar gl. Fandtes død paa Reisefjeldet.

Me får av ei rettssak greie på meir om denne syrgjelege hendinga som fortel om dei kår husmannsfolk i den tid kunne ha. Borna måtte ut og tene. Denne guten tente i Ronnen. Og faren som heitte Torjus Olsen Jomaas reiste sak mot Christen Christoffersen Ronnen for at han ikkje hadde vore som han skulle mot guten, så han gav seg på heimveg og fraus i hel. Han hadde ringe klæde. Guten hadde vore i Ronnen frå sumaren og det synte seg ved rettssaka at det visst ikkje hadde vore så reint ille der, så Torjus lot saka falle. Torjus blir i saka nemnt Torjus Olsen Jomaas, inderst paa pladsen Birkaaslien. Han budde såleis hos John Baardsen, men meir veit me ikkje om han. Plassen blei trulig nedlagd ikring 1860.

#### MERKNADER

1. Etter Arnt Stensvand.
2. Sjå Haabbesland-ætta (Austland—Gusdal—Bjørkos).
3. Kr. Stalleland skriv i merknad til Stensvands manuskript at han tykkjer det Stensvand skriv høver betre på Nedre Grøslø. Han nemner at i 1783 kosta «Verket» køyreveg gjenom Ura «so Øvrebygdi her slapp å køyra koli ut Holtjønndalen til Grøslø. Etter den tid kørde heile bygdi koli ned Grøsløvegen». Men som me har set av kontrakt frå Austland i 1806 skulle kola der leverast i Bjørkos. Det er vel trulig at dei leverte der frå «Vesterbygda» og vel au frå Birkenes, for det gjekk ein gamal ferdsløveg ned til Bjørkos. Sjå om dette under Gusdal.  
Det som Stensvand nemner om at kjøpmennene sende folk opp der for å take mot skogsprodukter er visst rett nok. I 1806 finn me såleis i kyrkjeboka: 19/12 døbt et uægte barn kaldet Inger. Moderens navn Inger Olsdtr, tilholdende i Birchaas. Udlagt til barnefader Evind Pedersen, forhen skriverkarl hos Petter Herlefsen paa Strømsboe i Ø. Moland.
4. Etter A. Stensvand som fortel at John seinare fl. til Gaasefoten ved Landvikvatnet. Øven Salvesen nemner han Øven Birkenes. Han var 2. sagmeister og kom sidan til Røynaana.

Grøsle, eller Øvre Grøsle, er ingen gamal gard. Først i 1663 blei garden skyldsett med ei skyld av 4 ksk, seinare auka til 6 ksk eller ½ hud.

I det første manntalet 1664 er Grøsle ikkje nemnt, men i det andre manntalet (1666) står: No 48 Grøsle, som icke findes i det gamle mandtal og skylder nu 4 kalfskind. Åsittarane er Engel Oluffssøn og Michel Andersson. Desse to finn me i 1664 under Hardeberg, som husmenn. Etter dette ligg det nær å tru at Grøsle er gått ut frå Hardeberg, og det høver au med dei gamle bytestrengene.<sup>1</sup>

Engel og Mikkel må ha sete i Grøsle ei tid før 1660. Engel er nemnt i 1658 og Mikkel i 1659 under husmenn. Han får 1 ort i skatt, men Engel som er ført opp under bonde-søner får 1 dl. Michel Andersen Grøsle døde i 1706 — 95 år gl. Kona hans heitte Gunhild. Ho bleiv i Søndle i 1691 — 81 år gl. Om Mikkel veit me bare at han åtte 1½ ksk i Grøsle i 1668 og var brukar der saman med Engel Olsen. Han sel til Engel i 1671 for 15 rd.

I 1674 er Engel eigar av garden. Han og ætta etter han sit så med garden i hundre år. I 1764 sel sonesonen Engel Jensen garden til Thomas Fasting på Landvig for 899 rd. Det måtte vere den store pengesumen som frista, for Engel hadde i 1760 fått kjøpt for bare 183

rd. Engel sit så som bruksmann til sin død i 1776.<sup>2</sup> Fasting sel i 1784 til Omund Larsen Toskedal for 350 rd. Fasting hadde elles i 1769 fått løyve til å bygge ei sag «i Birkhuusaen under Grøsle til 400 bords aarlig skiørsel». Omund sit med garden til i 1797 då han sel til Aasul Pedersen Birkedal for 550 rd. Aasul var son til Peder Nilsen Igland. Ætta etter Aasul har sidan sete med garden.<sup>3</sup>

Omund Larsen kjøpte eit bruk i Gusdal og flytta dit. I 1802 tar sonen Lars ut odelstesting på Grøsle og Aasul må ut med 100 rd i odelspengar.

Me har her i stutte drag gjort greie for eigarsoga og skal nå sjå litt tilbake då dei av Grøsle-ætta sat med garden. Det eldste skjøte som er nemnt er frå 1663. Då skj Birgete Toresdtr som tener hjå Tore Dyngedal i Froland ¼ av garden Grøsle til Engel Olufsen. Dokumentet er tatt med i ein dom i 1671. Ved denne dom får Engel seg tildømt 1½ ksk i Grøsle og betalar 15 rd for gardparten. I 1664 sel Ragne Nilsdtr på Bjelland i Øyestad 1 ksk i Grøsle til søstersonen Engel Olufsen Grøsle for 12 rd, men ho skal ha fritt hus på garden så lenge ho er «umandet», og skal hver haust gjere 8 dagsverk på garden utan betaling. I 1667 makeskifter Engel Grøsle noe jord og skog med Laurits og Aase Hardeberg.

Det var sk etter Engel Grøsle i 1696. Anne

Aasmundsdr, som var andre kona hans, sit så med garden, trulig til 1709, då sonen Ole gifter seg. Han er på Grøsle i 1713, men sidan på Håland der ætta etter han sat fram til 1900. På Grøsle er då brørne Jens og Lars. Jens Engelsen dør alt i 1719 og Lars overtar bruket. Då det er sk etter kona til Lars i 1734, sit Lars i stor gjeld. Kreditorane krev auksjon. Han åtte bare 2 ksk i garden verdsett for 20 rd, og 1 ksk i Hardeberg for 10 rd. Heile innkoma ved auksjonen var omlag 57 rd, men gjelda var på 123½ rd. Broren Ole Jensen Haaland får auksjonsskj på dei 2 ksk for 50 rd. Resten av garden er på framande hender. I 1753 får så Salve Olsen Grøsle kjøpe 4½ ksk av Jon Nilsen Midstu og Jens Olsen Hauseland for 60 rd. Salve var son til Ole Engelsen Haaland og budde sidan i Solli. I 1758 sel han og Engel Jensen Grøsle 6 ksk i garden til Søren Svendsen Lunden for 180 rd, men i 1760 kjøper Engel att garden for 183 rd, for så som nemnt å selja til Thomas Fasting for 899 rd fire år etter. Med i denne handelen var elles 1 ksk i Lille Hardeberg.

Etter at Engel Grøsle døde i 1776, har vel Fasting hatt bruksmann i Grøsle, men veit ikkje hvem han var.

Aasul Pedersen kjøpte garden i 1797. I 1830 sel han til sonen Peder ⅓ av garden med ¼ i Rossedals sag for 100 spd. Aasul og kona gir seg i follaug til Peder som skal ha resten av garden når dei er borte. Men Peder dør alt 1837 — 36 år gl. Enka Anne gifter seg oppatt med Ole Nilsen Igland. Dei har ein son Peder som er f 1840, men så flytter dei til Lia i Fjære. Aasul, son til Peder, var f i 1830. Han kjem heim att til bestefaren på Grøsle då han er konfirmert, og i 1848, bare 18 år gamal, overtar han garden som han sat med i 49 år til sonen Peder overtok i 1897. Ved follaugskontrakt i 1848 fekk Aasul alt som farfaren åtte. Føderådet var taksert for 200 spd.

Aasul hadde ved sk i 1839 fått 2 ksk i garden med ⅓ i husa og 1/12 i saga for 240 rd.<sup>4</sup>

Me kan sette opp denne rekke over

*Eigarar og brukarar gjennom 300 år.*

Ca. 1660—1696:	Engel Olsen
1696—1709	Anne Aasmundsdr
1709—1713	Ole Engelsen
1709—1719	Jens Engelsen
1719—1734	Lars Engelsen
1734—1753	Ole Engelsen m. fl.
1753—1758	Salve Olsen og Jens Engelsen
1758—1760	Søren Svendsen Lunden
1760—1764	Engel Jensen
1764—1784	Thomas Fasting
1784—1797	Omund Larsen
1797—1830	Aasul Pedersen
1830—1837	Peder Aasulsen
1837—1840	Anne Hansdr
1840—1848	Aasul Pedersen
1848—1897	Aasul Pedersen d.y.
1897—1939	Peder O. Grøsle
1939—1943	Gunnar og Aslak Grøsle
1943—	Gunnar Grøsle

*Hus og jord.*

Den gamle buplassen var borti «Haugen». Minne om dette har ein i namnet Låvebrufjellet. Der er au Stolphusekra som nå elles er kløyvd av den nye Grøsle—Østerhusvegen.<sup>5</sup>

I 1876 bygde Aasul Pedersen nye sætehus, og uthus i 1884. Dei gamle sætehusa var dobbelt høge og enkelt breie med bare ei stove, kammers, kjøken og svalgang i 1. høgda med eit lite kot på enden av huset. I andre høgda var det tri rom. Huset stod med brystet mot søraust. Dei nye husa blei vendt med brystet mot sørvest. Både sætehus og uthus er sidan vølt på og noe ombygd. I uthuset blei det såleis i 1922 støypt betonggolv og lannkum. I 1941 bygde dei silo.

Det var ikkje stor jordvegen dei hadde dei som sette seg til i Grøsle, kanskje 10—12 mål i alt. I 1867 er jordvidda oppgitt til 33 mål, myr og temmelig skarp sandjord. Aasul Grøsle, eigaren då, hadde dyrka opp halvparten av

dette. Det var i alt 12 mål fastmark og omlag 20 mål myr. Peder O. Grøsle held fram med dyrkingsarbeidet, og har lagt til garden 5 mål og grøfta oppatt fleire mål vassjuk mark. Myra som Aasul fekk dyrka kravde eit stort søkingsarbeid. Ei tjønn blei søkkt 4 fot og dei laut ta 400 meter grøft i myr og 50 meter avlaupsgrøft i aur og stein. Her var det før søkkt 4 fot, så dei laut 8 fot ned og sette opp mur langs heile avlaupsgrøfta. Utanom dette store arbeidet tok han opp 5 mål i heimemarka og sette steingjerde rundt.

Peder O. Grøsle tok straks til å plante i skogen, men slutta med dette og gav seg til å grøfte opp myr og kjerr. I alt har han grave 2200 meter grøft i skogen, og der det er grøfta står det nå fin skog.

Etter matr 1668 var utsåden 1 tn, i 1723: 2 tn 4 skjepper, i 1792: 3 tn bygg, avling 12 tn. Utsåd og avling 1867:  $\frac{1}{8}$  —  $\frac{3}{4}$  tn kveite, bygg  $\frac{3}{4}$  —  $4\frac{1}{2}$ , havre  $1\frac{1}{2}$  —  $7\frac{1}{2}$ , poteter  $3\frac{1}{2}$  — 18 tn. Alt i 1792 sette dei etter måten mykje poteter, 1 tn med oppgitt avling 10 tn.

I 1668 er det oppgitt at garden kan fø 4 naut og 6 «smaler». 1723: 1 hest, 4 naut, 2 sauer, 4 geiter. 1867: 1 hest, 4 kyr, 8 sauer.

Om garden heiter det i 1867 at han er meir enn vanlig godt dyrka, men om «havnegangen»: ufremkommelig, klein og ikke tilstrekkelig. Dei har ikkje noe av «naturlig eng» og utslått bare til 4 lass høy. Høyavlinga elles er oppgitt til 50 skp.

#### Skogen.

1668: Skouff til brendefang. 1723: Skov til gaardens behov. 1867: Gran og furu netto til salg 50 spd årlig. Som ein ser, er ikkje skogen serlig høgt verdsett, men det er skogen som nå gir hovedinntekta på garden. Skogvidda er omlag 1000 mål.

Grøsle har gnr 45 bnr 1 av skyld mk 5.85. Skyldet var opphavlig 4 ksk, men i 1668 sett

opp til 6 ksk. I 1838 var skyldet 1 dalar 4 ort 12 sk, men ved rev. 1867 sett opp til 3 dl 3 sk. Ein har her ein god målestokk når det gjeld oppdyrkinga av garden.

I 1948 blei fråskild parsellen Fredheim av sk 9 øre bnr 3. Gunnar Grøsle har denne gardparten.

#### Risbruna.

I 1916 selde Peder Grøsle frå «Risbruna» gnr 45 bnr 2 av skyld 5 øre til Terje T. Nævestad for 1500 kr. Eignedomen blei skyldsett 1914 og var då ein plass under Grøsle. Det var Ole Olsen Birkeland frå Kvås som festa plassen i 1866 og skulle for dette arbeide 12 dagar i haustonna. Ole var f 1841. Han vigde i 1864 med Anne Nilsdtr Topland (Hf.). Dei budde då på Kiland. Born: Anne Katrine 1865—76, Andree 68. Oline 74—82. Andree blei i 1893 gm Lars Olsen Verdal f i Hægebostad 1870. Dei hadde borna: Ingeborg 94, Ole Andreas 96 d.s.å., Ole 98, Ole Andreas 1901, Kristian 1904. Ingeborg blei gm Terje T. Nævestad. Dei selde i 1919 til Karl Jensen Skiftenes for 2000 kr. Han selde i 1928 til Hans Karlsen for 8300 kr., og han selde att i 1935 til Tellef Risbruna for 6000 kr.

På Risbruna hadde dei i 1875 1 ku og sådde  $\frac{1}{8}$  tn bygg og sette 2 tn poteter.

#### MERKNADER

1. Nils Igland skriv: Efter markestrekningen å dømme kan Grøsle være utgått fra Hardeberg. Peder O. Grøsle: Garden er nok som stortingsmann Igland har nemnt, gått ut frå Hardeberg. Bytestrengene med Nedre Grøsle og Stalleland tyder på det.
2. Sjå Grøsle-ætta.
3. Sjå Iglands-ætta.
4. N. Igland skriv: Den gamle Osul fredet godt om eiendommen så den fikk en mektig skog, som gav de senere eiere anledning til å sette gården ypperlig i stand med hus og jord.
5. Etter Peder O. Grøsle som og har gitt opplysning om husa og nydyrkingsarbeidet.

## VALBELAND

Gnr 46

Besværlig adkomst til vei, tungbrugt — det var karakteristikken matrikkelkommissjonen gav Valbeland i 1867. Når me i dag fer vegen frå Grøsele til Haabesland, ser me Valbeland som ligg lognt til under fjellet ved Valbelands-tjønnna. «Adkomsten» er ikkje lenger «besværlig» til denne garden som er rekna som ein av dei beste skoggardane i bygda, med eit produktivt areal på 1400 dekar.

Som dei mange andre land-gardane i Øvre Landvik er Valbeland — eller Valbergland som kanskje er rettaste skrivemåten — blitt rydda i den store ekspansjonsbolken i folkevandrings-tida for halvt anna tusen år sidan. Kjempehauger her har vore syner au at garden er gamal.<sup>1</sup>

Første mannen me kjenner på garden er Anond Walboriglandt som betalte knektskatt 1611—12, nemnt som «ødegaardsmand» 1610—20. I 1620 er nemnt både Karl og Gunnulf, Gundulf 1624, Torjus 1625, husmann. Frå 1628 er nemnt Christen Waldborgland. Og frå Landk 1661 veit me at han heitte Christen Aanonsen. Han er då oppført som eigar og brukar av garden, 1 hud. Me kan vel tolig sikkert gå ut frå at han er son til Aanon som er brukar 1610—20.

Om Valbeland finn me ikkje noe i Odels-jordeboka under Landvik i 1624, så det var

nok framande eigarar då. I 1634 heiter det: Christen Valborigland og hans broder eiger i samme gaard ½ hud 2 ksk. — I 1645 er på V.: Christen og hans quinde og en pige Guri. Betalar 18 sk i koppskatt. I 1647 eig Christen 5 ksk, leiger 1 gsk av Stener Øye og 4 ksk av arvingane etter Tore Hesnes. I 1657 betalar Christen 1 dl 1 ort 11 sk i kvegskatt og står som eigar av garden. Ætta etter Christen sat så med Valbeland i 120 år, til 1777, då garden gjekk ut av den gamle ætta.<sup>2</sup> Kjøpar i 1777 var Terje Guttormsen, bror til Daniel Guttormsen Snøløs i Herefoss. Ætt etter han har sidan sete med Valbeland.<sup>3</sup>

Når Christen står oppført som eigar av heile garden i 1657, er det trulig ikkje heilt rett, for i 1668 står han med bare 8 ksk. Resten, 4 ksk, eig «Tomemis Ulfenes med sine med-eiere», det same i 1674. Me veit elles ikkje hvor lenge Christen sat med garden, men trulig ikkje lenger enn til bortimot 1680-åra. Han var f ca 1602. Etter han kom på Valbeland sønene Anders (f 1648) og Hans (f 1662).

*Eit skifte i 1696.*

Anders Walberland, som han då er skriven, døde i 1696 og det er skifte same året. Han hadde sønene Kidel 10 år, Christen 7 og Gun-

der 5 år. Og døtrene Karen og Magnhild. Økonomisk stod det nok ikkje så rart til på Valbeland på slutten av 1600-talet. Det blir registrert ei eige på tilsaman 65 rd, men gjelda er 70 dl. I eiga er rekna med jord i Valbeland  $1\frac{1}{2}$  ksk for 15 rd. Her er noe av det dei hadde på garden den tida:

*Kobber og jern:* 1 liden gl kobberkiedel, 1 jerngryde, 1 dito, 2 bindøkser, 2 boløkser, 1 plaugjern med ristel, 2 gl ljaær, 1 naver, 1 tømmerlenke, 1 helle (i sønder), 1 jernpande, 1 gl borse og kaarde, verdsett til  $1\frac{1}{2}$  rd.

*Sengeklæde:* 3 gl sengeklæder, 1 strielagen, 1 haandklæde.

*Den sal. mands gangklæder:* 1 brun klædesklædning 2 rd. 1 rød bois undertrøye, 1 par blaa bois underbuxer.

*Trevarer:* 1 udekvern med redskab 3 rd, 1 egekiste med laas, 1 dito av furre med laas, 2 kar, 1 øltønde og et anker, div. kop og kjørler.

*Krøter:* 1 brun hest 6 rd, 3 kyr a 3 rd, 1 kvie med kalv, 1 lita kvie, 1 svart stut, 1 dito, 5 geiter, 2 kje, 6 sauer (3 rd), 2 lam.

Dei største kravsmenn er Hans v. Kampen på Landvig som har til gode 30 rd og Lars Andersen Lintved vel 26 rd. Til skatten 3-2-12 går det ei ku, ein sau og eit lam. Ingeborg Gundersdtr Usterute får den vesle kviga for det ho har til gode i tenesteløn  $1\frac{1}{2}$  dl. Skrivaren skal au ha sitt. Han tar kvia med kalv og ein stut. Så får dei uprioriterte kravsmenn resten. Hans v. Kampen får jorda i Valbeland, dessutan eit par økser, eit handklæde, kverna, hesten, 5 sauer og endå noe til. Slik held dei på «saa der aldeles intet er blevet til overs dend fattige enke og børn til deeling. Dog alligevel belovede moderen af moderlig kierlighed at opføde sine femme umyndige børn med fri kost, klæder og anden kristelig optugtelse efter evne og formue, indtil de selv opnaa den alder at de kan fortjene sit brød».

#### *Garden på 1700-talet.*

Den lovnaden Anne Gundersdtr, enka etter Anders, hadde gitt, kunne ho nok ikkje halde på annan måte enn det enker pla gjere på den tid. Ho gifte seg oppatt same året. Og ho og mannen, Svein Gislesen, flytta til Gusdal der borna vaks opp. For etter Anders kom broren Hans som brukar på Valbeland. I 1706 eig han bare  $1\frac{1}{2}$  ksk i garden, men i 1712 kjøper han 4 ksk for 25 rd av Nils Knudsen Urdalen, Ole

Andreassen Eskedal, Knud Christensen Haven, Ole Haabestad og Halvor Grebstad.

Christen Andersen gifta seg i 1713 med Ingeborg Torjusdtr Hørte og flytta då trulig til Valbeland, for året etter dør Ingeborg og det er skifte på Valbeland. Christen har då ikkje jord i Valbeland men litt i Hørte og Kiland. I 1719 får Christen kjøp på  $3\frac{3}{7}$  ksk i garden av Arnt Hansen på Landvig for 31 rd. Same året makeskifter han jord i Hørte og i 1721 sel han jord i Skiftenes som han hadde fått med andre kona si, Mari Olsdtr. Same året kjøper han for 18 rd  $2\frac{1}{8}$  ksk i V. av farbroren Hans Christensen m. fl. og sit nå med halve Valbeland. I 1723 står Hans Christensen og Christen Andersen hver som brukar av 6 ksk i garden. Same året lyser han sin pengemangel til løysing av resten av garden. Hans Christensen brukar dette godset og bur der, heiter det. Ved sk etter Mari Olsdtr i 1730 eig Christen 6 ksk verdsett til 72 rd og dessutan lausøyre for  $54\frac{1}{2}$  rd. Gjelda er 59 rd, så Christen hadde arbeidd seg godt fram og løyst halve garden. I 1733 vigjer han for 3 gong, med Gunhild Ommundsdr Beisland. Farbroren Hans Christensen døde i 1736 — 76 år gl. Året etter kjøper så Christen resten av garden for 80 rd. I 1743 er han likna for ei eige på 100 rd og måtte då reknast for ein velstands mann. Han døde i 1749 — 60 år gl.

Etter Christen overtar sonen Anders garden. Men han dør i 1777 utan livsarvingar. Og enka etter Anders, Ingeborg Romundsdr Lunden, overdrar så sin part av garden 6 ksk mot folaug til Terje Guttormsen, som au får kjøp på resten av garden av Jørgen, bror til Anders, som hadde gard på Gusdal. Terje sel i 1795 Valbeland for 1150 rd og kjøper att eit bruk i Vatnestrand, men alt året etter er han tilbake på Valbeland som han får kjøpe att for det same som han hadde selt for. Men lykka blei ikkje lang. Kyrkjeboka fortel at 30. oktober

1797 er gravlagt Terje Guttormsen 46 år og kona Mali Osulsdtr 44 år og dessutan Ingeborg Romundsdr. Terje og Mali hadde sete godt i det. Ved sk var det lausøyre for omlag 180 rd. Garden vart verdsett til 650 rd. Og halvparten i Valbeland priv. sag 50 rd. Gjelda var 470 rd.

*Garden på 1800-talet.*

Christen Terjesen var 22 år då foreldra døde, og han overtar då garden. I 1801 vigde han med Gunhild Knudsdr Stoveland. Ho døde i 1817 — bare 35 år gl, etter at ho hadde fødd 2 søner og 4 døtre. Christen g seg att same året, med Udborg Knudsdr Stoveland, men ho dør i 1824 — ho blei au bare 35 år.

Christen sat gjeldfri ved sk i 1817. Garden var då, etter pengefallet, verdsett til 360 spd. Det var lausøyre for omlag 114 spd og 15 spd i innskot i Norges Bank. Ved sk etter Udborg i 1829 blei 6 ksk i garden verdsett til 420 spd.

Ein julidag i 1835 er det storbrøllop på Valbeland. Då vigjer odelsguten Terje som er 29 år med Helene Margrete Terjesdr Stalleland 28 år. Trine 29 år får Tønnes Ommundsen (Heimdal?) og Gunnil 21 år Nils Aadnesen Kiland som var frå Senningtveit. I 1842, også ein julidag, er det nytt storbrøllop. Då er det Christens born av 2. ekteskap Knud og Gunhild som gifter seg.

Christen sel halve garden i 1839 til Terje for 500 spd og det er utskifting på dette i 1841. Christen dør i 1846 og Knud overtar då halve garden etter far sin. Året etter kjøper han så resten av halvbroren Terje for 400 spd. I 1857 blir garden ved skifte verdsett til 1200 spd. Kr. Stalleland skriv m. a.: «Terje Kristensen Valbeland vart i 1835 gift med Helene Margrete Terjesdr Stalleland og fekk visst umlag samstundes halve Valbeland og bygde hus under Husefjellet. Han såg ikkje

vidare stort på garden. Han selde skogen på 10'' 12' til Kr. Holst. Og det for 900 dalar på stuvén. Holst hogg 1800 tylfter stor last der. Lasta kosta han 2 kr. tylfti på stuvén. Terje totte det såg så trongt ut for å greida seg at han selde sin part av garden til halvbroren Knut. Så kaupté han att Hundland.»

Knut sat i velstand på Valbeland. Han døde i 1873 og sonen Kristen som hadde budd på Gusdal, overtok då. Han døde av tæring i 1883 — bare 40 år gl. Enka Marte Torjusdr (frå Metveit) sat så med garden til sonen Knut overtok i 1887. Han laut gå frå garden i 1903. Det blei søster til Knut, Aase Tomine, som kom til å overta Valbeland. Ho hadde i 1886 vigd med Tobias Andersen Haaland frå Grindheim. Men Tobias døde like etter overtakinga av garden og Aase flytta då til med 6 born. Etter Aase overtok eldste sonen Anders T. Valbeland gm Anna Matiasdr Ronnen. Sonen deira, Kristen A. Valbeland, har garden nå.

Me kan sette opp denne

*Eigar- og brukarrekké gjennom 350 år.*

Ca. 1610—1620	Aanon
« 1620—1628	Gunnulf og Torjus
« 1628—1680	Christen Aanonsen
« 1680—1696	Anders Christensen
1696—1713	Hans Christensen
1713—1736	Hans Christensen og Christen Andersen
1736—1749	Christen Andersen
1749—1777	Anders Christensen
1777—1795	Terje Guttormsen (Snøløs)
1795—1796	Ole Andersen Klepp
1796—1797	Terje Guttormsen
1797—1839	Christen Terjesen
1839—1847	Christen Terjesen og Terje Christensen
1847—1874	Knud Christensen
1874—1883	Kristen Knudsen
1883—1887	Marte Torjusdr
1887—1903	Knud Kristensen
1903	Ulstrup og Spangelo m. fl.
1903—1916	Aase Tomine Kristensdr
1916—1949	Anders T. Valborgland
1949—	Kristen A. Valborgland.

## Utsåid, avling og buskap gjennom 200 år.

	Utsåid		Avling		Buskap				Merknad
	Korn	Poteter	Korn	Poteter	H	N	S	G	
	tn	tn	tn	tn					
1668	2				1	6	6		6 smaler
1723	3				1	4	6	6	
1792	3	¼	20	2					
1867	2	4	12	20	1	3	10		

Matr.kom i 1867: 21 mål temmelig skarp sandjord. Ikkje nat. eng. Utslåtter til 14 lass. 1 mål dyrkingsjord. Høyavling 55 skp. Beite ufremkommelig, middels godt og omtrent tilstrekkelig. Garden meir enn vanlig godt dyrka. Tungbrukt.

I 1875 før dei 1 hest, 5 kyr, 2 ungdyr, 8 sauer og 1 gris. Utsåid ½ tn kveite, 2 tn bygg og 5 tn poteter.

1956: 1 hest, 4 kyr, 2 griser. Ca. 30 dekar dyrka jord.

*Skogen.*

Landk. 1661: Skaug til smaa bielcher. 1668: Skouff til husbehov. 1723: Granskov til smaa-last.

Denne vurderinga gir ingen tokke av at garden er ein av dei beste skoggardane i bygda. Matr.kom i 1867 sette nettoen av skogen til 81 spd 60 sk årlig.

Arnt Stensvand skriv: «Valbeland skog hadde det ord paa sig at den hadde de lengste trær. Det var almindelig at der aldrig skulde mere end to graner for at faa en tylft last. En hugger fortalte omkring 1860 at han hadde 9 stokker, 12 fot lange, i en gran.» Kr. Stalleland set spørsmål ved dette siste. Han skriv: Valbeland skog hev allstødt vore god, lang og god vokster i. ½ tylft 12 fots stokkar i ei gran er ikkje noko utrulegt. Daa visst mykje aalment. Men 9 slike er verre. Daa maatte grani vera kring 4 tumar eller meir paa 108 fot. Det maatte vera eit sersyn,

*Sagbruk.*

Valbeland hadde sag i Ørkleivbekken. I 1789 søkte Terje Guttormsen og dei på Øye om løyve til å bygge ei sag i denne bekken for skjering av 400 utskipingsbord årlig. Dette løyvet fekk dei nok, jamfør sk etter Terje. Det blir i alle fall gjeve løyve i 1806. Då får Ole Aasulsen Øide, Aasul Salvesen Øide og Christen Terjesen Valbeland «bevilling paa udi 10 aar beregnet fra 1800 aars begynelse at maa skjære udskibingsbord paa en saug i Ørklevsbækken».

Saga i Ørkleivbekken reiste med flaumen i 1809. Christen Terjesen søkjer om nytt løyve i 1812 og det heiter då at han vil bygge oppatt saga. Han fører vitne på at han har skog nok og at eigarane av Bjørkos sag ikkje har noe mot at han bygger. I 1816 er det synfaring for sagene i bygda og det heiter: Walborgland priv. saug. Bev. 21/2 1806. Ved Lonebækken. Godt fald. Mangler vand den største delen av aaret. Skur 8 tylter. Eigar av saga då er Christen Terjesen. Dei på Øye hadde bygd sag for seg sjølv, bev. 15/11 1811. I 1833 får kjøpmann Pharo i Grimstad slått til seg en part i saga for 50 spd.

*Fråskilde parseller.*

Valbeland fekk ved nymatrikuleringa skyld mk 8.65. Garden blei utlagd til Knud Kristensen for 12 000 kr. i 1887. I 1901 blei fråskild parsellen Verdalsstykket bnr 2 av skyld 40 øre. Dette fekk Matias Torjusen Ronden for 2250 kr. Han selde i 1912 til Longum og



Aslaksen for 4000 kr. Dei selde i 1915 til H. M. og M. M. Kleppen for 5000 kr. Dei skj så i 1917 denne egedomen saman med Bjørkos til Landvik kommune for 21 000 kr.

I 1919 blei frå hovedbruket fråskild parsellen Lunden bnr 3 av skyld mk 2.05. Anders Valborgland har heimel til denne egedomen.

Kristen Valborgland gav 53 000 kr. for bnr 1 i 1949. Bnr 1 har nå skyld mk 6.20.

#### MERKNADER

1. Oppl. om kjempehaugar etter Kr. Stalleland. Arnt Stensvand fortel at det på garden er funne eit *kvalbein* som må ha lege der frå det dei kallar diluvialtida, men fortel ikkje noe nærare om funnet eller når det blei gjort. Namnet kjem vel helst av Val = strid og berg, meiner Stalleland.
2. Sjå Valbeland-ætta.
3. Sjå Snøløs-ætta.

## STALLELAND

Gnr 47

Stalleland er ein einbølt gard, men ligg unelig til med vidt utsyn mot sør og vest. Gamalt skyld er 1 hud og i dei gamle skattelistingene er han derfor rekna som øydegard.

Fram gjennom heile 1600-talet var garden på utanbygds hender så dei var leiglendingar dei som sat der. Første mannen me veit om var Oluff eller Ola Stalleland. Ein Ola Stalleland var ute i hertenest i 1611—12 og blei der drepen av Ola Kiland (Oluff Kyeland), men det er trulig ikkje den same Oluff Stalleland som er nemnt i skattelistingene i 1610, for det er ein Olle i 1617 (Oluff 1618). Han som vart skoten var då trulig sonen. I 1620—23 er nemnt Laurits Stalleland og i 26 Jakob, men frå 1627 og framover har me Trond Stalleland. Han og ætta etter han sit på garden i eit hundrad år kan me rekne. Han heitte Trond Oluffsen, og var kanskje son til den Ola som er på Stalleland i 1610.

Trond sat med garden i alle fall fram til 1661. Då leiger han av Jon Vetteland i Lister Lehn 1 gsk og av Auen (Øyen) Eskedals arvingar 3 gsk. Dei på Eskedal har ått i garden tidligare au. I 1647 hadde Torje Eskedal 7½ ksk og Torje Hauges arvingar i Lister Lehn 4½ ksk. Jon Vetteland står som eigar av 4½ ksk i 1668 under odelsskatten, men i

matrikkelen er Torkel Vetteland ført opp med dette jordegodset. I matr 1668 står elles Olle Stalleland oppført som eigar av 1 ksk. Det må han ha fått av Auen Eskedal. Det må vera denne Auen eller Øffuen som då er eigar av 4 ksk og brukar av ½ hud i garden, medan Ola er brukar av resten. Dette er einaste gongen me finn to brukarar på garden og det har trulig bare vore ei kort tid.

Olle må vere den same som Olluf Trondsen. Han betalar ½ dl i 1658—60 under bondesøner, svenner og drengje, og han er 30 år i 1664. Gule (Gudlaug) Trondsøn 14 år må vere bror hans. Me veit at Trond Stalleland var gift, for Trond og hans quinde betalar ½ ort i koppskatt 1645.

Frå den tid Trond sat på Stalleland er det ei rettsak i 1653—54 mot ein tjuv som elles hadde stole vide i kring. Det heiter: Bekiende at hafue staallet paa Stalleland i Landvig Sogen eit rødt fildt schørt med eit snørlif og thenmaller udi, eidt par ny graa wadmelsbuxer, eidt par ny schoe, eidt lerrits haandklede, en gammel dug, noget lidet korn i eit thørklede, saa og noget lidet korn udi en thienne, en liden klædishuffue, ellefue hønsegh, en liden teenschaal, noget lidet smør med en half ost, thou smaa brød, udi penger en march og thi schilling. Tou smaa tørkleder og en træscheele.»

Frå denne tid har me ikkje skifteoppteikningar, så det me her får vite har ei viss inter-



Stalleland set frå sør

esse. Me ser at dei hadde høns, at dei laga ost og bakte brød, at dei brukte snørliv med tinnaljer og gjekk i filtskjørt og at mannfolka hadde grå vadmålsbukser.

Elles er det lite me kan få greie på om hosen dei livde på ein gard på den tida. Garden er oppgitt å kunne fø 1 hest, 6 naut og 8 «smaler» i 1668, og dei sår 2 tn korn. Korn-tiend  $2\frac{1}{2}$  fjerding, leding 12 sk, arb.p. 1 ort, ost og kvegtiend 8 sk. Dei hadde «en flomqvern og ringe smaalast skoug». Det siste kan me elles ikkje legge så stor vekt på, for dei gjorde nok ikkje skogen betre enn han var i skatteoppgiftene sine.

Kona til Ola Stalleland heitte Tarjer. Ho døde i 1696 — 62 år gl. Ola levde til 1710. Han var då 84 år. I 1706 eig han 3 ksk i garden og betalar 3 dl  $73\frac{1}{2}$  sk i skatt.

Christen Olsen Stalleland som i 1698 vigjer med enka Kirsten Olsdtr Hellenen, må vere son til Ola og Tarjer. Dei flytta til Hellenen, men kjem til Stalleland i 1710. Alt i 1715 dør Kristen, bare 46 år gamal. Dei har borna Haa-

gen 14 år, Terje 5 år og Tarjer 10 år. Haagen og Terje kjem begge til Hellenen. Til Stalleland kjem halvbroren deira, Helleik Haagensen.

Christen Olsen hadde i 1714 løyst inn frå Auen Kittelsen Ugland og søstera  $3\frac{8}{9}$  ksk i garden, men dette jordegodset er ikkje nemnt i skiftet. I 1715 løyser så enka Kjersti Olsdtr inn  $7\frac{1}{2}$  ksk frå Torbjørn Torkelsen Vetteland og Halvor Grefstad. Ho pantset same året  $10\frac{1}{2}$  ksk til Gregers Christensen Naksbie for 66 rd. Dette godset løyser så sonen Helleik inn i 1721. I 1732 får han så kjøpe resten,  $1\frac{1}{2}$  ksk, av Lorents Gerhard Poulsen på Lindtveit for 15 rd.<sup>1</sup>

I matr 1723 er Helleik Haagensen nemnt som «selveier». Utsåden er nå auka til 3 tn, så garden er nok blitt oppdyrka. Buskapen er hest, 3 naut, 4 sauer og 4 geiter. I 1743 er Helleik likna for 100 dl og betalar 2 dl i skatt. Han eig jord i Øye. Dette fekk han med kona Marte Nilsdtr Øye. Dei hadde ikkje born. Garden gir dei så i 1762 over til Terje Salvesen Helleland, som var søsterson til Marte.

Han får garden «med nu paastaaende meget forfaldne og brøstfældige husebygninger samt alle andre tilliggende herligheder», og alt laust gods m. a. 6 kyr og hest. Terje hadde til gode 64 rd for fire års teneste på garden og så hadde han lagt ut for dei 55 rd. Han skal så fø Helleik og mostera si så lenge dei lever. Helleik dør i 1771 — 75 år gl, og Marte i 86 — 70 år gl.

Terje Salvesen var av Hørte-ætta. Sidan 1762 har Stallelands-greina av denne ætta hatt garden, for Terje Knudsen Hørte som i 1794 vigde med Marte Terjesdtr Stalleland og overtok garden var au av denne ætta. Han var fir-menning til Terje Salvesen og mor hans var søster til Terje Salvesen, så han og Marthe var søskenbarn.<sup>2</sup>

Det brann for Terje Salvesen i 1772. Heile garden strauk med, så nær som badstova. Det var 8. august. Også åkrane kring husa svidde av. Terje måtte såleis koste nye hus på garden, men han greidde seg godt. Ved sk etter han i 1788 hadde han lausøyre for omlag 83 rd og åtte Stalleland verdsett for 300 rd og eit skogstykke i Øyde for 50 rd. Terje hadde odel til Øyde etter mor si, men tok Stalleland likevel. Skogstykket i Øyde fekk han utlagd for gjeld. Dette skogstykket fylgde Stalleland til 1843 då Terje Terjesen d.e. selde til Salve Aasulsen Øyde for 50 spd. Av buskap hadde dei ved sk 1 hest, 3 kyr, 2 kviger, 1 bukk, 3 sauer og 6 geiter. Det er gjeld for omlag 12 rd. Av dette er til Den kongelige casse for 3 tn «sædekorn» 9 rd 3 ort. Dei har såleis lote kjøpe korn. Terje hadde i 1766 tri tenestjenter. Den eine var Gjertrud Beintsdtr som seinare blei kona hans. Ho var frå Kiland. Gjertrud sat med garden frå Terje døde til 1798. I denne tid var ho med og fekk sett opp sag i Stallelandsbekken, saman med dei på Kiland. Det var i 1791. Dei fekk løyve til å skjere til salg 300 bord årlig. I 1792 sår Gjertrud Beintsdtr

3½ tn bygg med oppgitt avling 20 tn. Dei har nå au poteter. Dei set ein fjerding og avlar 2 tn.

Omlag på denne tida må det ha vore at dei to døtrene på garden planta hver sitt asketre. Marte, den eldste, sette ei i åkerreina nedanfor Vestreåker. Denne aska vart hogge ikring 1886 og var då svært stor — og Aase sette si i tunet midt for gatedøra, det er den som ennå står ned med fjøset.<sup>3</sup>

Terje Knutsen Hørte kom til Stalleland for å tene 1788. I 94 vigde han med Marte Terjesdtr. Ho var gardjente og bare litt over 16 år då ho gifte seg. Terje tok over garden i 1799. For dei 9 ksk han måtte løyse inn betalte han 262 rd. Her var medrekna skogstykket i Øyde. I 1807 vølte han opp husa. I 1817 fekk han løyve til å føre opp ei sag i Stallelandsbekken, men hadde bare lov til å skjere til eige og «bygdens behov». Stalleland sag har sidan stade her, men vart flutt til andre sida av bekken. Per Hardeberg åtte ⅓ i saga. Det fortelst at Terje Knutsen hørde skota frå slaget ved Lyngør i 1812. Han var då oppe i Stokkekjerra på Samkjennheia og slo.<sup>4</sup>

Terje Knutsen skifte etter Marte i 1820. Garden blei då sett i 396 spd. Ved skifte etter andre kona Berte Aasulvsdtr i 1826 var verdet 1000 spd, men i 1833 då han gir seg i follaug bare 896 dl.

I follaug skulle sonen Terje Terjesen gje m. a.: 2 tn korn, 2 tn rug, ½ tn malt, 2 skjep-per gryn, 10 pund kaffe, 2 pund sukker, 6 pund tobakk, 4 pottes brennevin norsk, 8 lispd kjøt, 8 lispd flesk, 1 våg tørfisk, bestandig 1 ko som melker, 5 spd i penge, fri hest til og fra kirke, og ellers klæder, husly, lys og varme . . . . Dette er det reint materielle, men til dette kjem: . . . . en sagtmodig og omhyggelig omgang saavel i sundheds som i sygdoms

tilfælde, samt ellers alt andet som til et sorgfrit liv udfordres . . . .

Terje Knutsen levde til i 1847. Det var så sein vår det året. Terje døde 4. mai. Same dag gjekk sonen Terje over Kilandsvatnet på isen. Og 14. mai, likferdsdagen, kunne ikkje Knut Terjesen som då var på Metveit, ro Vasbotnkilen for is. Terje måtte til Frolands Verk for å få ½ tn rug til gravferda. Dei hadde ikkje i Grømstad. Og prisen var 9 dalar tønna.<sup>5</sup>

Terje Terjesen var ein dugande mann som dyrka garden godt opp, grøfta opp jorda og rudde for stein. I 1847 sette han opp ny sag og i 1854 tok han til å bygge nye sætehus på den gamle tufta frå 1772. Dei flytte inn i 1856. Så reiv han dei gamle husa og på tufta der reiste han i 1864 nytt stort fjøs. Alle andre hus og lør på Stalleland har han sett opp, unntatt Hunsmyrløa som Terje Salvesen bygde, og Risbrunløa som Terje Knutsen sette opp. Storemyrløa blei bygd seinare.

Terje hadde ei langvarig rettsak med Hardeberg om Knapvatnet. Saka gjekk i 6 år. Det galdt vatn til saga på Stalleland. Saka tok til i 1836, med dom året etter. Thomas Pedersen Hardeberg får rett til å ta kvennevatt, men Terje får rett til å nytta stemmen mellom Øvre og Nedre Knapvatn — «for derigjennem at erholde fornødent vand til sin eiende Stalleland saug». Vidare heiter det i domen: «og bør indstævnte Thomas Pedersen Hardeberg for hver gang han misbruger omhandlede stem i mellem øvre og nedre Knabevandet til vandspilde for Stalleland saug, at bøde til Landvig sogns fattigkasse 5 spd». Seinare det året har Thomas ei tingsvitnesak om stemmen. Saka blir då avvist og Thomas må betale 8 spd i «kost og tæring» til Terje. Men Thomas får likevel ført saka vidare. Først i 1842 var saka til ende. Og Thomas vann. Men seinare gjorde Terje ein avtale med Thomas så han fekk grave utlaupet til Stalleland like djupt som til Harde-

berg. Thomas Hardeberg fekk då att eit skogstykke på Hardeberg-sida av øvre Knapvatnet.

I 1866 flytta Terje, eller Terje den gamle som dei gjerne kallar han, ut til Lauvaasvollen i Fjære som han hadde kjøpt. Eldste son, Terje Terjesen d.y., overtok då Stalleland. Han var den 4. Terje på garden. Faren heldt att omlag ⅓ part av garden. Terje d.y. gav 2600 dalar for det han kjøpte. I 1880 fekk han skj på heile garden for 14 800 kr. Terje dreiv mykje av skogen. I 1868 selde han skogen på badstovheia på 10 tomar 12 fot som var vanlig den gongen. Og i 1870 selde han mykje stor skog frå Hegdehola i Knapedalen til Tjuveheia og Nedre Myrane for 1300 dalar. Han hadde betalt garden i 1877. Resten fekk han ved arv etter faren i 79, så han sat gjeldfri.

Ved matrikuleringa i 1867 hadde Stalleland 29 mål dyrka jord, almindelig sandjord og endel myr. Dei hadde ikkje naturlig eng men slåtter til 19 lass høy. Høyavlinga elles er oppgitt til 64 skp. Utsåd og avling: Bygg 1½ tn — 7½ tn, havre 1½ tn — 9 tn, poteter 4 tn — 24 tn. Buskap: 1 hest, 6 kyr, 10 sauer. Beite: Ikke ubekvem, middels god og omtrent tilstrekkelig. Garden blir elles karakterisert som tungbrukt. Netto reknar dei at skogen kan gje for 70 spd årlig. Garden er frostlendt, men meir enn vanlig godt dyrka. Skyldet blir sett opp frå 3-4-7 til 4-1-6. Ny skyld mk 8.20. Til Stalleland hørde då 7 sk i Kiland. Dette stykke får Terje d.y. skj på frå faren i 1874 for 50 spd.

Også Terje d.y. heldt fram med å dyrke opp garden. I 1885 gav han bort Sagehagen til skulejord og skulehustuft. I 1882 var vegen komen framom der gjennom Strandmyrhagen.

Terje selde i 1901 garden til sonen Kristen for 28 000 kr. Han heldt unna Knapedalsstykket som vart serskilt skyldsett (mk 1.10), men dette stykket blei i 1911 på ny slått saman med resten av Stalleland og Kristen fekk

skj på heile eigeiomen for 38 000 kr. Garden fekk nå ei skyld på mk 8.42.

I 1935 selde Kristen frå «Granlia» av sk 2 øre til Kristian Risbruna.

Kristen selde i 1936 garden til brorsonen Torjus Haaland for 37 000 kr.

*Brukarar på Stalleland.*

1610—1618	Oluff
1620—1623	Laurits
1626	Jakob
1627—1661	Trond Olufsen
1661—1710	Ole Trondsen.

*Brukarar og eigarar.*

1710—1715	Christen Olsen
1715—1720	Kjersti Olsdtr
1720—1762	Helleik Haagensen
1762—1788	Terje Salvesen
1788—1794	Gjertru Beintsdtr
1794—1833	Terje Knutsen
1833—1866	Terje Terjesen d.e.
1866—1901	Terje Terjesen d.y.
1901—1936	Kristen Stalleland
1936—	Torjus Stalleland.

*PLASSAR*

I 1839 feste Terje Terjesen til Tønnes Olsen Lille Hardeberg plassen Vasbotskleiva for årlig avgift 12 sk, og i 1840 Bronebakken til Ole Tønnesen — «aarlig at gjæte kreaturene». Ole budde her i åra 1840—46. Han var gm Anne Sofie Berulsdtr og dei fekk døtrene Berte, Thomine og Anne Gurine. Ole flytta sidan til Lønehola.

*MERKNAD*

1. Kristen Stalleland meiner at Haakon Olsen Helleren, far til Helleik, var bror til Kristen Olsen Stalleland. Han grunngir det med at Helleik i 1720 pantset  $3\frac{1}{2}$  geitskinn som han kallar «sin faste og indfrelste odel efter sin avdøde fader». Det må vere stefaren som her er meint. Faren var f ca. 1647 og kan ikkje vere son til Ola Stalleland som var 32 år i 1664. Då er heller ingen søner nemnt.
2. Sjå Hørte-ætta.
3. Etter manuskript av Kr. Stalleland.
4. Etter manuskript av Kr. Stalleland.
5. Etter manuskript av Kr. Stalleland.

## GRØSLE NEDRE

Gnr 48

Nedre Grøsle var lenge plass under Skiftenes. I 1659 er Christen Grøsle Vester Skiftenes-eie nemnt då han betalar skatt. Han er også den einaste husmannen under V. Skiftenes i 1664. Han heitte Kristen Karlsen og var då 36 år. Me finn Kristen nemnt som fattig husmann i 1667, men ikkje sidan.

Det er vel trulig at det har vore folk på plassen i tida framover, men me finn ikkje folk der i 1701 og heller ikkje først på 1700-talet. Me må heilt fram til 1754 før me på ny finn Grøsle nemnt. Då bur Anders Andersøn og Torborg Andersdtr der. Dei har ei dotter, Birthe, til dåpen. I 1758 er Torjus Jensen og Karen Aanonsdtr der. Ein son Anders. Anders Andersen og Gunnild Knudsdtr er der i 1767. Ei dotter Ingebor.

Først frå 1779 får me nærare greie på dei som sat i Nedre Grøsle. John Gundersen festa plassen av dei på Vestre Skiftenes det året. Han var visstnok komen frå Aanesland. Kona hans heitte Joran Syversdtr. Ho døde i 1784, og det er skifte same året. Dei hadde borna Gunder 10 år, Syvert 5 og Ingebor 2 år. Dei hadde lausøyre for omlag 23 rd. Husa i Nedre Grøsle var då: 1 stue med en 2 etages kakelovn og trende fag vinduer, 1 kjøkken med 1 fag, nyopmuret skorsten. Over stuen et loft med 3de fag vinduer. Dette stuehus er nylig opbygd og med bordtag beklæd. 2. et nybyg-

get lidet fæhus belagt med hontag. Taksten for husa blei 64 rd. Buskapen var bare 2 sauer og 2 geiter. John vigde i 1791 oppatt med Maren Knudsdtr Aamli. Dei var på Nedre Grøsle i 1792. Saar intet, er skomager, heiter det.

Even Pedersen festa i 1795. Han var 41 år i 1801. Kona heitte Mari Clemedsdtr. Dei hadde 4 born. I 1807 kjøpte han eit bruk på Tjore. Då kom Ellef Torsen til Grøsle. I 1805 kjøpte Ellef Torsen *Uldal* odelsretten til eit bruk i Kiland for 200 rd og eit av bruka der for 2000 rd. Same året fekk han løyve til å bygge ei sag der. Han selde i 1807 og kjøpte då  $\frac{1}{4}$  ksk i Nedre Grøsle for heile 1500 rd. I 1808 får han løyve til å drive gjestgiveri i Grøsle og til å drive Holdalen sag. I 1816 fekk han kjøp på  $1\frac{1}{2}$  ksk, i 1818 la han til  $\frac{1}{4}$  ksk og i 1823 kjøpte han på ny  $1\frac{1}{2}$  ksk. Han hadde då i alt  $3\frac{1}{2}$  ksk, som blei slått saman til gnr 48 bnr 2, nå av skyld mk 3.73. Av gamalt heitte dette stykket Lensmannsneset. Han kjøpte også Hardeberg Lille, eller Øygarden, bnr 1 nå, sjå om dette seinare. Til Nedre Grøsle blei så i 1879 lagt til eit stykke, bnr 3 nå, av skyld 21 øre, som Arne Olsen Skiftenes selde til Terje Tellefsen Grøsle for 600 kr.

I den nye matr. 1889 blei Nedre Grøsle eige gardsnr, men fekk namnet Hardeberg Lille, gardsnr 48, trulig fordi Hardeberg var eit eldre

utskild bruk med gamalt skyld  $\frac{1}{2}$  hud, men i den nye matr. fekk det lågare skyld enn Lensmannsneset (mk 2.34).

Me skal nå gå tilbake til Ellef Torsen som må ha vore ein drivande kar. Gjetordet om han har au levd i tradisjonen. I noen merknader til eit manuskript av A. Stensvand skriv Kr. Stalleland m. a.:

Nedre Grøsle hørde til Skiftenes og gjekk ut derifraa. Det hev ikkje i skyldboki bore namnet Nedre Grøsle fyrr i 1935, men det var Lensmannsneset og Skiftenes vestre. Men det hev visst i lang tid butt folk i Nedre Grøsle. Det hev helst vore husmannsplass ei god tid, eller og leiglendingsbruk. Men det er underlegt at ingen hev nemnt Elev Grøsle, den mannen som i fyrsten av hundreaaret hadde Nedre Grøsle. Det var berre eit lite bruk då han fekk det. Men han selde brennevin og bøndene på Vestre Skiftenes kom i gjeld til han, og han fekk eit stykke av Skiftenes i skogen daa og eitt daa, til Grøsle vart mest det no er. Han var berre so leid for at han med det same han saag ut or vindauga um morgonen, saag han annan manns eigedom. Det var fraa Halsen til Baatsteinen han meinte. Det kunde han ikkje faa. Han var ein fæl handelsmann. Før ein preikedag til Vegusdal kyrkja og handla hestar 11 gonger, og han trega at han ikkje bytte ein gong til. For daa kunde han ha kome heim med same hesten han fór med — og havt han for ingen ting. Han kom seg mykje upp paa brennevinshandelen.

Son til Elev Grøsle var Tor Grøsle. Han var gm Anne Terjesdtr Stalleland, syster til min bestefar. Han var so leid brennevinshandelen (eller mest kona hans var det), so han flutte til Landvik. Og sidan til Amerika.

Det var stor trafikk framom Grøsle, serlig vinterstider med kol til Frolands Verk. Om dette skriv Stalleland:

Eit stort svært kolhus hadde Froland Verk i Grøsle. Det stod til ikring 1880. Det var ei lang laavebru og ein laave liksom høgt under raustet. Der kørde dei kolkorgene upp og mælte koli i ein kasse som tok ein læst. Kassen hekk i hengsler i eine sida. Dei hekta han upp i ein krok i hi sida. Og so var det berre aa hekta upp kroken, so sveiv kassen ned og slepte koli i kolhaugen. Det var kolskrivar i Grøsle paa den tidi dei kørde kol. Det hende dei gjorde fantestykke og

hadde stein i kolkorgi, og steinen ruska fælt i kolhuset. Men det hende visst fælt sjeldan.

Ellef Torsen var gm Ane Jonsdtr. Sonen Syvert som kom til Landvig blei f i 1807. Dei hadde også ein son Gunder f 1812. Tor Ellefsen var f kring 1803. Han vigde i 1829 med Anne Terjesdtr Stalleland. Eilev kjøpte då eit av dei gamle hovedbruk i Landvik og flytta dit. Tor fekk i 1836 løyve av kongen «til at være gjestgiver paa Grøsle», men blei der bare eit par år til. I 1837 møter han som takstmann som smed. Han fekk utlagd 6 ksk i Grøsle ved sk etter faren i 1838 for 1025 sp. Same år makeskifta han med Tellef Pedersen V. Skiftenes for 800 spd og fekk 9 ksk der, men selde like etter. Frå Skiftenes kom han til Landvik. Han reiste til Amerika med huslyden sin i 1849. Gunder Ellefsen kom til Bergstø i V. M.

Tellef Pedersen var frå Hardeberg. Han var gm Siri Terjesdtr Stalleland. Det er sonesonsonen deira, Terje Grøsle, som nå sit med garden.<sup>1</sup>

Tellef Pedersen heldt nok fram med å ta mot folk i Grøsle. Men det blei strengare med skjenking og salg. I 1847 ser me at han har vedtatt ei bot på 25 spd for ulovlig brennevinssalg. Han hadde også fått mulkt tidligare. Halvparten av mulkta skulle gå til Landvik fattigkasse, den andre halvpart, etter lov 1845, til dei som hadde meldt frå.

Terje Tellefsen overtok garden i 1863 for 1000 spd, Tellef Terjesen i 1899 for 13 300 kr. Fekk også bnr 1 Landvig for 3350 kr. Tellef Grøsle skilde i 1934 frå Lensmannsneset bnr 4 av skyld 1 mark og skj så garden til sonen Terje T. Grøsle i 1935 for 33 600 kr. I 1955 fekk Terje også Lensmannsneset, for 20 000 kr.

#### *Lille Hardeberg*

har si eiga soge.

Lille Hardeberg er nemnt i matr 1668 og hadde då skyld  $\frac{1}{2}$  hud. Eigar var Lars (Laurits) Hardeberg, men enka Gro sat der som brukar. Sår 1 tn. Før 4 naut og 6 smaler.



Som me vidare såg kom ein av den gamle Hardeberg-ætta, Ole Halvorsen, dit. Han kjem sidan til Store Hardeberg. Dottera Ingeborg får i 1730 eit barn med ein Tønnes Jacobsen. Veit ikkje hvor han kom frå. Dei gifte seg same året og budde sidan på Lille Hardeberg. I 1723 då Ola Halvorsen er eigar er utsåden oppgitt til 1 tn 1 skj, og det er oppgitt at dei kan fø 3 naut, 4 sauer og 4 geiter.

Om Tønnes heiter det i 1743: Eier inted. Men han fekk nok kjøpe det meste av bruket, for då han dør i 1778 har han 4 ksk i garden verdsett for 64 rd og lausøyre for omlag 52 rd. Han sit elles i gjeld, så nettoeiga er bare 26 rd. Buskapen er 1 hest, 2 kyr, 1 kalv, 3 geiter, 1 bokk og 2 verar. Ved ekstraskatten 1766 er Tønnes og kona Ingeborg ført opp som fattige. Borna Ola d.e., Ola d.y. og Gunvor står oppført som «tjenere».

Ole Tønnesen d.e. overtok etter faren. Ola d.y. kom til ein plass u. Risdal. Ei av døtrene, Gunhild, blei gm Ole Gundersen Store Hardeberg. Ola brukar i 1792 6 ksk. Han hadde i 82 fått skj på 4 ksk i garden. Utsåden blir oppgitt til 2½ tn og avlinga til 12 tn bygg. Det er sk etter første kona til Ole, Guri Nilsdtr Sandkleiv, i 1780. Ola har då lausøyre for 21 rd og 3⅞ ksk i garden med hus verdsett for 80 rd. Gjelda er 35 rd. Han må ut med heile 10 rd i skiftekostnad, og for dette tar skrivaren dei to kyrne han åtte. Han sit då att med ein hest. Ola dør i 1806 — 77 år gl.

I 1801 bur og sonen Tønnes der, så det er to huslyder på bruket. Ola åtte ved sk i 1806 heile bruket 6 ksk verdsett for 500 rd, og dessutan eit skogstykke i Barlinddalen for 30 rd. Han har lausøyre for 29 rd, men han har stor gjeld, så det blir bare att omlag 6 rd som enka krev til gravferdskostnad. Dei hadde hest, 1 ku, 1 sau og 1 lam.

I 1809 ser me at sonen Tønnes Olsen pantset ei ku for 25 rd. Han har då fått låne det

han kan på bruket, men får i 1811 eit 3. pr. pant for 300 rd. Han greier å sitte med bruket til 1819 då han sel til Ellef Thorsen Grøslø for 500 spd.

I 1836 sel arvingane etter Ellef Grøslø bruket til Nils Aadnesen Senningtveit. Nils blei enkemann i 1854 og g seg i 57 med Gunhild Tellefsdtr Nedre Grøslø. I 1863 sel så Nils til svogeren Terje Grøslø for 600 spd og flytter frå. Bruket har sidan høyrd til Nedre Grøslø.

I 1875 bur Hans Tellefsen på Lille Hardeberg som inderst. Han var f i Herefoss i 1809 og gm Anne Margrete Larsdtr frå Landvik f 1827. Dei hadde ein son Henning Martinius f 1866. Han fester i 1892 plassen Krosshøl.

Ved matrikuleringa i 1867 hadde Nedre Grøslø 10½ mål dyrka jord, størstedelen skarp sand og endel ubeqvemt beliggende, heiter det. Kan fø hest, 4 kyr og 8 sauer, men, heiter det: Hø tilføres fra Lille Hardeberg. Det opgivne kreaturhold og kornavling angaar ogsaa Lille Hardeberg. Der er det 5¾ mål dyrka, almindelig sandjord. Utslåtter til 7 lass, medan det på Grøslø er «skrabbakker til 1 læs hø». Havnegang ubeqvem og neppe tilstrækkelig. Utsåden er sett til ⅛ tn kveite, 1½ tn bygg og 3 tn poteter. Skogen til Grøslø kan gje for 37 spd 60 sk netto og på Hardeberg for 16 spd 80 sk.

Nå har Nedre Grøslø 30 dekar dyrka mark og 800 dekar produktiv skog. Gamalt sætehus i 2 høgder, uthus frå 1889. Garden før 4 kyr, 8 sauer og hest.

*Krosshøl bnr 5* selde Terje Grøslø i 1935 til Gunhild Berntsen for 250 kr. Det var ein eldre plass der. Sætehus bygd i 1870-åra. Gunhild Berntsen selde i 1946 til Andreas Larsen Krosshøl (Risbruna) for 2250 kr. Han bygde på husa i 1948 og selde i 1955 til Olav Jensen for 12 000 kr.

#### MERKNADER

1. Sjå Aanesland-ætta.

---

## HARDEBERG

Gnr 49

Garden er gamal. Då dei for ikkje så lenge sidan bygde veg inn mot Hardebergdalen, fann dei eit tviægga vikingsverd. På garden er det ein haug dei kallar Vettehaugen. Her fører såleis far til forne tider. Det var vel tilbake i folkevandringstida at den første landnåmsmannen fann seg eit bu her, einbølt og avgøymd, så her kunne dei nok leve i fred.

Hardeberg har vore i bondeige så langt me kan fylgje garden tilbake i skriftlige kjelder. Etter odelsjordeboka 1624 er det «Anne Hardeberg og hindes børn» som eig garden — 1½ hud. I lensrekneskapen 1610—20 finn me Gudlaug Hardeberg, eller Gulo (Gullof) som dei skreiv. I 1623 finn me Halfuor Harbergh. Både han og Gudlaug er «ødegaardsmænd», dvs. garden var under 2 huder i skyld. I åra framover frå 1626 har me Hans Haardeberrig som er nemnt som husmann og Laurits som ødegardsmann. 1643: Lauritz og Hans Hardeberig eiger i samme gaard 1½ hud.

Etter dette skulle det ligge nær å tru at det er dei «børn» som er nemnt i 1624, og det var dei vel trulig au, endå me i 1661 (Landkom) får vite at: Lauritz Lauridtz enyer og bruker 1 hud, bestemand. Hans Olssen enyer og bruker ½ hud. Løysinga må vel vere at dei har vore halv søsken. Lars (Laurits) var 80

år i 1664, så han er fødd ca. 1584. Gudlaug kan då ha vore bror hans. Me ser då au at Lars hadde ein son som heitte Gudlaug. Han var 30 år i 1664. Han har au ein son som heiter Halvor som er 46 år.

Hans er borte i 1664. I staden finn me ein Anders Christoffersen, 28 år gamal. Han var av Hørte-ætta, det veit me frå andre kjelder. Og han må ha gift seg til Hardeberg, for kona hans heitte Aase Hansdtr. Ho sat som enke på Hardeberg i 1701. Det året finn me elles to med namnet Kristoffer på garden, Christoffer Olssen og Christoffer Anderssen, son til Aase. Ho og sonen sit då med ei hud i garden, medan Kristoffer Olsen har 6 ksk. Han er 66 år, og me lyt då gjette på at han er ein yngre bror til Hans Olsen. Men hvor er det så blitt av sønene til Lars? I 1668 er Lars eigar av 1 hud som Gudlaug brukar. I 1666 er Halvor Lauritsen nemnt som husmann. Han hadde ein son Torkel. Seinare høyrer me ikkje meir gjete dei, men Lars lever ennå i 1674. Då eig han med sine born 10½ ksk i garden. Just Jakobsen Molland hadde fått 1½ ksk til pant. Resten i garden ½ hud har Anders då. Lars eig i 1668 au «Lille Hardeberrig» ½ hud. Der sit enka Gro som brukar. I 1674 eig ho 5 ksk i bruket.

Me kan gjette på at Halvor sat på Lille Hardeberg som husmann og at Gro var kona hans. Han må såleis vere død før 1668. Gro, ho heitte Gro Terkelsdtr, levde til 1715. Ho blei over 97 år og må då vere fødd ikring 1618, eller på same tid som Halvor. I 1692 vigjer Ole Halvorsen Hardeberg med Gunvor Olsdtr Lauvrak. Dei er ikkje på Hardeberg i 1701. Derimot finn me dei på Lille Hardeberg. Me kan då gå ut frå at Ole er son til Halvor Larsen og at dei har halde til på Lille Hardeberg, medan mesteparten av hovedbruket er gått til dei av Hørte-ætta. Men i 1719 sel Ole Andersen Store Hardeberg 6 ksk i Store H. og 2½ ksk i underliggende Lille H. for penge 80 rd som kjøberer Ole Halvorsen derfor erlagt haver. Dei av den gamle ætta kjem såleis tilbake til garden.

I 1723 brukar Ole Halvorsen 1 hud i Store Hardeberg som garden nå er nemnt. Christoffer Andersen har 6 ksk. Ole Store Hardeberg står då au som eigar av Lille Hardeberg og brukar der. For å greie kjøpet ser me at Ola har lånt 99 rd i 1722 av Søren Jacobsen i Kolbjørnsvig. Ola dør i 1734 — 78 år gl. Garden er då trulig gått over til sonen Halvor som i 1728 vigde med Helje Sjursdtr Retterstøl.

Ved sk etter Gunvor Olsdtr i 1734 eig Ola 1 hud i Hardeberg og 5 ksk i «Ødegaarden», dvs. Lille Hardeberg. Kalvskinnnet er verdsett til 10 rd, tilsaman 170 rd. Han eig au 1/10 «udi en flomsaug paa Skiftnes eiendele kaldet Grøse saug» for 6 rd. Tilsaman kjem bruttoen opp i 213 rd. Men det er stor gjeld så nettoeiga er bare vel 19 rd. Søren Jacobsen har pant for 130 rd og Gregers Naxbie for 24 rd. Presten Anders Meldahl har til gode 9 rd. Elles er det ei rekke andre gjeldspostar.

Av krøter har dei 4 kyr, 3 geiter og 1 sau. Det er elles smått med lausøyre. Det heiter såleis: Linnklæder fantes ingen. Jordegodset blir utlagd til kreditorane.

Noen år etter, i 1739, ser me at Jakob Sørensen har transportert 12 ksk i Store Hardeberg til Søren Svendsen Lunden for 120 rd og udi Ødegaarden 1 ksk for 3 rd. I 1753 transporterer så Søren Svendsen 9 ksk i garden til Halvor Olsen for 120 rd. Halvor var i 1743 likna for ei eiga på 30 rd. Halvor hadde ei dotter Gunvor som i 1750 vigde med Gunner Olsen Birkedal (Gauslaa-ætta). Dei overtar garden som nå er på 9 ksk, dvs. halve Hardeberg. Bruket går, trulig i 1776, til sonen Ole Gundersen. Han dør i 1800 og sonen Gunder Olsen sel så garden i 1809 til Nils Knudsen Grøm for 2400 rd. Nils sel i 1812 til Halvor Olsen Hardeberg for 2500 rd.

Det sto heller ringt til på Hardeberg i denne tid, det vitner ei synsforretning om som blir halde i 1810 etter krav frå Nils Knudsen. Sætehusa er bygd i dobbelt høgde, 8 laft i lengde, 6 i breidde, men vantar golv, lofter, vindauge, dører og skorstein. Det må såleis vere eit nybygg som ikkje er ferdig Husa blir verdsett til 80 rd. «Kostald» til 30 rd. Det heiter at «Agerlandet er i stort fald, enge- eller slaattelandet hverken dyrket eller diget». Ved hjelp av «løvning» kan dei fø 5 kyr, 1 hest og 10 sauer.

I 1825 sel Halvor bruket i Hardeberg til Knud Torjusen Grundevandslia og Gunder Torjusen Børlinddalen for 900 spd (8 ksk). Gunder hadde i 1817 fått kjøpt Børlinddalen 1 ksk og sat der. I 1842 blir så bruket delt mellom buet etter Gunder, og Knud. I 1846 er det sk etter Gunlaug Terkelsdtr, enka etter Gunder. Det er stor gjeld, netto bare 35 spd. Same året får så Thomas Hardeberg kjøpe dette jordegodset 5¾ ksk for 600 spd.

Knud Torjusen fekk ved utsk i 1842 3¼ ksk. Dette er Hardebergdalen. Bruket gjekk i 1860 frå Knut Torjusen til Osul Pedersen Grøse for 500 spd. Dette bruket har i matr bnr 1 u. Store Hardeberg og hadde i den

gamle matrikkelen Lnr 123 A. Det som Thomas Hardeberg kjøpte fekk 123 B. I 1864 slo så Thomas saman det han hadde kjøpt i Hardeberg med eit par stykke av Kiland til det gnr 49 bnr 2 som ved den seinare matrikulering fekk skyld mk 9.77.

Me har nå set hossen det gjekk med det som den gamle ætta hadde på Hardeberg fram til 1770-åra og sidan i kvinneled fram til 1825, då bruket gjekk ut av ætta. Nå lyt me gå tilbake til åra kring 1700. I 1701 sit enka Aase Hansdtr og sonen Christoffer Hanssen med 1 hud i garden som tidligare nemnt. Aase dør i 1715. Sonen Christoffer sit med 6 ksk i garden i 1723. Broren Ola Andersen hadde som nemnt selt 6 ksk i 1719. Ola kom til Gusdal. Ein tredje bror Terje gifte seg til Helleland.

Kristoffer var gm Siri Salvesdtr Helleland. Ved sk etter henne i 1727 hadde dei av krøter 1 hest, 4 kyr, 1 tjor, 1 kvie, 8 sauer og 5 geiter. Bruttoeiga 117 rd, netto 30. Dessutan 6 ksk i Hardeberg, 1 støcke skoug i Helleland mark 36 rd,  $\frac{1}{5}$  i Grøslø saug 17 rd, nok et støcke skoug i Hellelands mark ved Bjorkien 16 rd. Dei største kreditorane var her au Søren Jakobsen (efter spesialr. og contrabog) ca. 30 rd og Gregers Bie 40 rd.

Kristoffer gir opp sitt bu til skifte i 1734. Sonen Anders som då er 21 år overtar. Gjelda har auka på til 139 rd. Skiftet er 12. februar. Det er då m. a. ei oppgave over Huggen Trælast: 3 tylter trær krumhuggen egetømmer til skibsbygning a tylt 3-2-0, 4 tylter maals og undermaals furrelast a 3 rd tylden. 2 tylter saugtømmer a 1 rd, 3 tylter bord a 2 ort.

Anders får innløyst 9 ksk i garden i 1755. Anders Christoffersen kom seg godt op. Ved sk etter kona Karen Nilsdtr i 1780 er han eigar av 9 ksk i H., dei to skogstykk i Helleland, han har lausøyre for 96 rd og til gode av svigersønene 184 rd, i alt 506 rd. Og han er heilt

gjeldfri. Skiftet kjem på nærare 20 rd. Det kan nemnast at 1 blakk hest i dette sk blei verdsett til 16 rd og kvenna til 9 rd. Av buskap hadde dei 3 kyr, 10 sauer, 8 geiter og 3 kje.

Sonen Nils Andersen overtar garden i 1784, etter at Anders er død. Nils sel i 1792 til Tellef Jacobsen dei 9 ksk i garden for 700 spd og bruket går nå ut av ætta. I 1800 sel så Tellef til Christen Prossen Udjus og son for 712 rd, men kjøper att same året for 1099 rd. Kona til Christen var frå Hardeberg, så i det siste ligg nok betaling for odelsretten. Enka etter Tellef Jacobsen sel så i 1805 til Nils Madsen Helleland for 1200 rd. Nils var gm Siri Andersdtr Hardeberg. Han sel same året til «de odelsbaarne» Peter og Johannes Christensønner Udjus for 1340 rd. Dei var umyndige og på deira vegne sel så Nils Prossen same året garden til Peder Tellefsen Sundkjen for 1470 rd.

Peder Tellefsen blir elles kalla Peder Tellefsen Aanesland. Han døde på Hardeberg i 1820. Han var gm Gunhild Gjerulsdtr Hunsdal, enke etter Thomas Væting. Sonen Thomas Pedersen overtok garden i 1820. Om han er det fortalt under Aanesland-ætta. Han fekk samla heile Store Hardeberg til eit bruk som tidligare nemnt.

Thomas skifte i 1860 då kona Siri Rasmusdtr døde. Sonen Peder overtok då trulig garden. Broren Rasmus fekk ein gard på Landvig som Thomas hadde kjøpt. Peder Hardeberg og kona Marthe Tellefsdtr Grøslø hadde to born, men dei døde små. Då Peder døde i 1889 gjekk garden ved testamente til Peder Terjesen Stalleland. Han var då 26 år, men hadde i fleire år vore på Hardeberg og hjelpt Peder og Marthe med garden. Mor til Marthe var frå Stalleland, og Peder Hardeberg og Terje Stalleland var trimenningar.

Med Peder T. Stalleland kom ein av Hørte-

ætta på ny til Hardeberg. Han fekk heile garden, og Landvik med mot å legge 2400 kr. til arvingane og andre, men fekk elles odelsøksmål og laut ut med 7000 kr. i odelspengar. I 1932 gjekk garden frå Peder T. Hardeberg til sonen Per Hardeberg for 54 000 kr. Per skilde i 1956 ut «Vestreskogen» av skyld mk 4.00 og sonen Per Yngvar Hardeberg overtok for 45 600 kr. Hovedbruket bnr 2 har nå att ei skyld på mk 5.60.

*Frå dei gamle matriklane.*

I matr 1668 er oppgitt at utsåden er 3 tn og at garden før 9 naut, 1 hest og 9 smaler. Det er «flomqvern» til garden. Korntienden er på 3 fjerding 4½ notting, ost og kvegtiend 12 sk. Arb.p. 1½ort, leding 18 sk. Ringe smaalast skaug. I 1723 er utsåden 4 tn 3 skj. Kan fø: 2 hestar, 7 naut, 10 sauer, 8 geiter. Skov til gaardens behov. Tungvindt. Frost og skinnemt. 1792: Utsåd bygg 4½ tn, avl. 24 tn, poteter ¼ tn, avl. 2 tn. 1867: 25 maal middels sand og myrjord, nat. eng 4 maal myr, steer og bakker, utslått og heieslåtter til 37 lass høy. Utsåd og avling: Bygg 4 tn, avl. 20 tn, havre ½ — 2½, poteter 5 — 30. Høyavling 110 skp. Buskap: 2 hestar, 10 kyr, 18 sauer.

I denne oppgave er ikkje Hardebergdalen med. Der er 6 mål «hjelpelig god, men bakket sandjord». Havnegang: Middels god. Av skogen kan det årlig seljast for 76 spd 60 sk netto. Eit «vandfall» er rekna til årlig inntekt med 1 spd 60 sk. Garden er frostlendt og ikkje meir enn vanlig godt dyrka.

*«Folketalet».*

Det undrar ein at det kunne livberge seg så mange huslydar på Hardeberg på 1600-talet. Under Koppskatten i 1645 er ikkje mindre enn 5 huslydar oppført under Hardeberg: Lauritz og hans quinde, Hans og hans quinde, en pige

Rannei, Oluff og hans quinde, Nils og hans quinde, Endre og hans quinde. Her er då sikkert Lille Hardeberg medrekna og sikkert og Øvre Grøsle som nok er gått ut frå Hardeberg. Kan hende sat det alt den gongen folk i Hardebergdalen, det veit me ikkje. Men at Grøsle høyrde med i alle fall i 1660-åra, skynar me av manntalet 1664. Då er som. husmenn ført opp Michel Andersen og Engel Olsen. I 1666 er dei på Grøsle, som då er nemnt som eigen gard.

I 1711 er det 3 huslydar på Store Hardeberg: Christoffer Andersen 5 pers., Christoffer Olsen 3 og Ole Halvorsen 5. I 1723 er det bare Christoffer Andersen og Ole Halvorsen. Det er då heller ikkje folk på Lille Hardeberg. Men på denne tid er det husmann i Hardebergdalen og på Lille Hardeberg kjem det på ny folk i 1730-åra. Framover til 1846 er så to brukarar og huslydar på Store Hardeberg.

*Litt om garden i eldre og nyare tid.<sup>1</sup>*

Frå gamalt fødde dei mykje krøter på garden. Dei slo alt utjorde og på heia og hadde ikkje mindre enn 14 utløer som dei ennå veit om. Attåt sette dei stakkar og det segjest at dei sume år slo til ljåen skvatt på klaken om hausten.

Denne driftsmåten er det for lenge sidan slutt med og mang ei slåttemyr er nå grøfta og lagt ut til skog. Peder T. Hardeberg tok til med dette arbeidet og Per Hardeberg heldt fram med dette. Peder T. Hardeberg søkkte bekken gjennom jordet 1.5 meter og sidan dyrka dei opp 8 mål ny jord. Dei før nå på garden vanlig 6—7 kyr, 2 hestar, 16—18 sauer, gris og høns. Saman med eigarane av Hardebergdalen er det kosta skogsbilveg 2 km dit opp.

Dei gamle husa på garden var dobbelt høge og enkelt breie, men blei seinare tilbygd til dobbelt breidde, med kjellar under. Uthusa stod i vinkel med stolphus for eine enden.

Tunet blei såleis ein firkant. I 1915 brann heile garden. Det var 6. juni. Husa var trygda for berre 5700 kr. så brannen vart ei stort økonomisk tap, men alt same året fekk dei bygd nye sætøhus, og uthus året etter. I 1929 kom ny sag med steinstem. Den gamle saga hadde då stått i 50 år og var ikkje brukande. Den nye saga fekk vassturbin med oljetrykkregulator. I 1945 blei bygd ny smie.

I eldre tid var det au ei stampe på garden. I skogen dreiv dei i si tid mykje kol til Frolands Verk. Ein kan ennå finne merke etter kolbotnar både her og der i skogen. Om våren dreiv dei og spadde åkrane. Gamle Andreas Gundersen har fortalt at han hadde vore med og spadd åker i 5 samfulle veker eit år.

Kornet dei avla mol dei på eiga kvenn. Kvenna her vart riven i 1930. Dei hadde nytta ho også til dreierverkstad og til «kraftstasjon», dvs. til å dra treskemaskina.

#### *Hardebergdalen*

er eit bruksnamn under Hardeberg. Det har bruksnr 1, medan det gamle hovedbruket har bnr 2. Hardebergdalen var opphavlig plass under Hardeberg. Det må elles ei tid ha vore to plassar, ein under hvert av bruka på Hardeberg. I 1830 ser me at Thomas Pedersen fester til enka Ingeborg Olsdtr og born «et stykke jord av den saakaldte Hardebergdalen» for årlig avgift 2 spd. Det er då trulig ein ny plass tatt opp av Ole Kiddelsen Hardebergdalen som er nemnt første gongen i 1815 då han har sonen Kiddel til dåpen. Veit ikkje hvor han kom frå. Han var gm Ingeborg og døde som legdslem i 1826 — 48 år gl. Ingeborg døde i 1853 — 74 år gl. Ole Olsen Hardeberg som i 1856 fester Askjelsplass under Tønnesøl var son hans. Han var f i 1825. Dei hadde og sønene Tomas og Knud utanom Kittel som er nemnt. Veit ikkje hvor dei blei av. Plassen blei trulig nedlagd etter at Ingeborg var død.

Den første me finn i Hardebergdalen er Christen som har sonen Thomas til dåpen i 1725. Christen må vere den same som Christen Olsen Hardebergdalen som døde i 1764 — 83 år gl. Kona var trulig Karen Thomasdtr Hardebergdalen som døde i 1752 — 72 år gl. Ole Christensen Hardebergdalen vigjer i 1729 med Marthe Christensdtr Haugebu. Thomas vigjer i 1752 med Magnhild Pedersdtr Risdal. Dei har trulig flytta frå, då me ikkje finn noen av dei på Hardeberg eller Hardebergdalen seinare. Derimot ser me at Astrid Christensdtr i 1753 vigjer med Terje Christoffersen Hardeberg. Dei bur i Hardebergdalen i alle fall til 1759. Dei har tri born som er fødd og dør der i desse åra, men så kjem dei og bort. I 1785 dør Targer Christensdtr Harbergdal 63 år gl. Ho må au vere dotter til Christen Hardebergdalen.

I 1772 kjem det nye folk til plassen. Då fester Gunvor Halvorsdtr «en under d.g. værende plads Dalen kaldet» til Anders Terjesen. Anders Harrebergdal dør i 1785 — 71 år gl. Veit ikkje hvor han kom frå. Christen Andersen fester så plassen i 1788 av Ole Gundersen for årlig avgift 4 rd. Han var gm Berte Andersdtr Toskedal. Dei hadde ein son Anders i 1797, og Aanon året etter. Han døde same året. Dei fekk ein son Aanon i 99. Også han døde.

I 1792 sådde Christen 1½ tn bygg og avla 9 tn, dessutan ¼ tn poteter og avling 2 tn.

Dei er ikkje på Hardebergdalen i 1801. Christen døde som inderst på Toskedal 1836 — 82 år gl. Plassen blei nå trulig lagt inn under hovedbruket. Då bruket som Gunder og Knut Torjusen hadde kjøpt i Hardeberg blei delt i 1842, fekk Knut på sin part utlagd Hardebergdalen som nemnt under Hardeberg.

I 1860 sel så Torjus Knutsen, som var einaste arving etter Knut, bruket til Osul Pedersen Grøslø for 500 spd. Men Torjus blir sittande som inderst til han dør i 1867 — bare 49 år

gl. Han hadde budd i Hardebergdalen frå han g seg i 1840 med Anne Gundersdtr Hardeberg. Dei hadde borna Knut 1840 (d 1904), Gunder 42, Ole Christian 44 og Karen Kirstine 52.

I 1875 budde John Tønnesen i Hardebergdalen. Han var f 1814 i Landvik og gm Anne Gundersdtr frå Øyestad f 1813. Ho hadde ein son, Knut Torjussen f 1840 i Landvik. Denne sonen står oppført som legdslem, så dei sat nok smått i det.

Frå Hardebergdalen blei det i 1861 utskifta eit jordstykke Haven av skyld 3 sk som blei tillagd Thomas Pedersens bruk. I 1892 selde Osul Pedersen Grøsele Hardebergdalen til Aanon Larsen Tønnesøl for 2400 kr. Aanon var gm Johanne Lovise Larsdtr Haaland. Dei hadde borna Lars Martinius 1893, Laurits Matias 94 og Aasine 96, d s. å. Same året døde Johanne Lovise av tæring, bare 25 år gl.

Laurits Larsen selde bruket til lærar Sigmund Vatne i 1916 for 8000 kr. Martin

Thompsen, Tjore kjøpte bruket i 1938 for 6000 kr. Han skj det året etter over til dottera Magny Thompsen for 3000 kr.

#### MERKNAD

1. Etter manuskript av Per Hardeberg 1950. Dessverre har eg bare funne plass til eit utdrag, men her er eit lite klypp frå manuskriptet: Som ein liten raritet kan nemnast at den gamle smia vart nytta som hus heile sumaren etter at husa brann på garden. Der vart rom til 3 senger, 1 skåp, og komfyr i smieavlen. Endå fekk 21 menneske plass dagleg ved bordet om sumaren. Men då hadde ho mor ikkje stort romet å snu seg på framom komfyren heller. Dette var i 1915 og det høvde seg såleis at dei måtte halda sylvbrudlaup i smia. Sjeldan har det vel vore slik stas i ei smie.

Ein annan stad skriv han: Det var ikkje vidare med samkomor i bygdene anna enn i kyrkja, men så held dei dugelege gjestebod. Det var nok stor stas når brudlaupsfylgjene kom ridande framom garden frå Kiland og andre gardar ovanfor. Det finst i Hardebergskogen ein fjellrygg på sida av ridevegen. Der skulle det vera eit meisterstykke dersom brura våga seg til å rida over.

## LONEBU

Gnr 50

Lonebu som ligg veglaust eit par kilometer nordaust for Kiland, var gamal plass under Kiland, seinare underbruk under denne garden. Lonebu var serskilt skyldsett i 1668 med skyld  $\frac{1}{4}$  hud, fekk matr.nr 58 lnr 128 i den gamle matrikkelen, gnr 50 nå.

I 1664 er Nils Rasmussen nemnt under Kiland som husmann, 56 år gl. Han var brukar på Lonebu i 1668 då det er oppgitt at garden kan fø 3 naut og 4 «smaler», utsåd  $\frac{3}{4}$  tn. Det var Kilandsfolk som åtte Lonebu fram til 1782 då Arne Pedersen kjøpte garden for 76 rd.

Det er lite me finn om brukarane i Lonebu på 1600-talet.<sup>1</sup> I 1695 døde jenta Anne Haraldsdr Lonebu, 71 år gl, i 1698 Jens Haraldsen 66 år. I 1701 er Clemed Christensen, 32 år, brukar av garden. Mor hans var Gunhild Andersdr Udjus. Det veit me av eit sk på Udjus 1704. I 1708 har han ein son Ole til dåpen, i 1710 ei dotter, men ho døde same året.

Anders Terkelsen er brukar 1723. Sår 1 tn. Kan fø 1 naut, 4 sauer og 2 geiter, heiter det. «Ingen skov. Tungvindt og meget vaadlændt.» Så finn me ikkje noe meir før i 1741. Då har Peder Andersen Lundebo og Berte Danielsdr dottera Svane til dåpen. Dei er trulig flytt frå like etter. For i 1744 veit me at Peder Chris-

tensen er der. Han hadde hatt eit bruk i Kiland som han hadde fått med kona Astri Aasulsdr. Då ho døde i 1741 og han gifte seg oppatt med Marte Guttormsdr, måtte han nok gå frå garden. Peder var frå Leesland i Iveland<sup>2</sup> og ætta etter han, son etter far, har sete på Lonebu til den siste eigaren flytta frå for noen år sidan. Bruket står nå øye.

Det var nok ikkje så godt for Peder Christensen å greie seg på Lonebu. Då det er sk i 1752 er eiga 38 rd, men gjelda er like stor, herav sk.kostnad 4 dl 16 sk. Buskapen var 2 kyr, 1 kalv, 9 sauer og ein ver. Enka får i gravferdskostnad lausøyre for 4-3-18, m.a. 1 blått pløsses snørliv med 6 par sølvmaljer (1-1-0), men elles går alt til kreditorane. Skrivaren tar ei ku, presten Speilberg får ein kalv, resten av buskapen får Søren Svendsen Lunden som var største kreditoren.

For sonen Arne blei det såleis å byrja på bar bakke. Han vigde eit par år etter med Karen Tellefsdr Engebu og dei arbeidde seg nok opp, for i 1782 greier Arne som nemnt å kjøpe garden. Stemora, Maren Guttormsdr, var død eit par år før, 80 år gl.

Arne Pedersen døde i 1800 og sonen Ole Arnesen overtar. Han var f 1769. Ein eldre bror, Tellef, var d 1787. Han var gift og hadde



ein son, Ole, men han høyrer me ikkje meir gjete. Ole Arnesen var gm Ingeborg Aslaksdtr Senningtveit. Ho døde i 1838 og Ole gir seg då i follaug til sonen Arne, som overtar Lonebu 3 ksk og  $\frac{7}{32}$  ksk i Kiland som faren hadde kjøpt i 1823. Ole døde i 1849 — 80 år gl, Arne i 1870 — 68 år. Enka etter Arne, Anne Ellefsdtr, får i 1870 løyve til å sitte i uskift bu. I 1877 gir ho skj til sonen Ole Arnesen for 2600 kr. Ole Arnesen kjøpte eit bruk i Aagre i 1901 og flytta dit. Sonen Anton overtok då Lonebu og fekk skj i 1915 for 7500 kr.

I 1921 blei fråskild Øvre og Nedre Bjorhagmyrer og Bjorkjerr av skyld 2 øre (bnr 2). Per Yngvar Hardeberg har dette nå. I 1936 skil Anton frå Blåmyrstykket (bnr 3) av skyld 9 øre, og selde så til sonen Ole A. Lonebu bnr 1 av skyld mk 1.08 og bnr 13 Kiland av skyld 8 øre for 5900 kr.

Me kan sette opp denne

*Brukar- og eigarrekkje gjennom 200 år.*

1742—1752	Peder Christensen Leesland
1752—1800	Arne Pedersen
1800—1838	Ole Arnesen
1838—1870	Arne Olsen
1870—1877	Anne Ellefsdtr, enke etter Arne
1877—1901	Ole Arnesen
1901—1936	Anton O. Lonebu
1936—	Ole A. Lonebu.

I 1792 sår Arne Pedersen  $1\frac{3}{4}$  tn bygg med avling 8 tn og set  $\frac{1}{8}$  tn poteter med avling  $\frac{1}{2}$  tn. I 1867 er det oppgitt at «Lundebo» har  $5\frac{1}{2}$  mål middels sandjord, ingen dyrkingsjord, men utslåtter til 12 lass høy. Samla høvavling 30 skp. Kan fø 3 kyr og 8 sauer. Utsåd  $\frac{3}{4}$  tn bygg med avling  $3\frac{1}{2}$  tn,  $2\frac{1}{2}$  tn poteter, avling 15 tn. Tungvint. Skogen kan gi for 1 spd 60 sk netto til året. I 1875 har dei på garden 4 kyr, 1 ungdyr og 9 sauer. Sår 1 tn bygg og set  $3\frac{1}{2}$  tn poteter.

*MERKNADER*

1. I 1671 møtte Nils Rasmussen Lonebu ved åstadssak i Rodalen og vitna at han for 32 år sidan budde i Rodalen og brukte garden. (Etter N. Iglan.) Iglan skriv: Det var antagelig denne Nils Lonebu som var en saa berømt værspaamand. Hans kilde til visdom var Vinterveien, som han ved hjelp av et speil betraktet nøie. Hans forutsigelse var utrolig sikre til aa gaa i opfyldelse. En vinterdag sa han ved Herefoss kirke til en prest som spurte ham om været: «Reiser du ikke til Hommedal i kveld, saa kommer du der ikke paa 14 dager.» Presten ga sig til natten over, og da kom det slikt et snevær at det gikk som Nils Lonebu sa. En annen gang tjente han en tønde rug av en sjømann ved aa forutsi været.
2. Sjå Leesland-ætta.

## KILAND

Gnr 51

Eit stykke vest for Stalleland tar veien av til Kiland. Garden ligg innanfor den lange kilen av Kilandsvatnet som går nordaustover. Det er ingen stor jordgard, men har bra skog om ikkje vidda er av den største.

Det er nå tri bruk på Kiland og eit mindre bruk, Kvernevollen. I store drag kan me fylgje garden slik: Framover til 1700-talet var garden eit bruk, sidan to bruk. I åra fram til 1700 kan ein fylgje same ætta på garden, men han blir så delt på fleire framande eigarar. Ikring 1720 kjem den gamle ætta att og sit der så i 100 år fram til 1819, men i åra 1730—60 er det den rike Redalsbonden Søren Svendsen Lunden som har hand over garden. I denne tida er det nok tri brukarar.

I 1763 gjer Anders Andersen, som var av den gamle ætta på garden,<sup>1</sup> avtale med sin svoger Christen Sørensen Heimdal om at Anders skal ha  $\frac{2}{3}$  og Christen  $\frac{1}{3}$ . Dei løyser inn jordegodset frå Lunden-folket. Christen må gå frå ikring 1774. Dei 10 ksk han sat med blir sidan kjøpt av Peder Nilsen Igland. Han kjøper au 5 ksk av Anders Andersen, og frå om lag 1790 er garden på ny delt i 2 like store bruk. Det som Peder Igland kjøpte er nå bnr 3. Frå dette blei det i 1854 fråskild ca  $\frac{1}{3}$  som blei slått saman med ein part av det gamle

hovedbruket til bnr 2 nå. Bnr 1 er så resten av det gamle hovedbruket, etter at Grunnevasslia m. v. er fråseld.

### *Kiland på 1600-talet.*

Det eldste eg har funne om Kiland er frå 1560. Då må Sjur Vindsland bøte 14 dl «for han stack Gregers Kilanndt 4 kniffsting». Så finn me ikkje noe før i 1610 og utover til 1622 då Aanon Kiland (Anond Kyeland) er nemnt som krone- og leiglendingsbonde. Aanon og Torkel Dolholt åtte 1 hud i Kiland i 1610. I 1624 åtte Torkel Jonsen Dolholt til odel 1 hud og i pant 1 hud. Peder Lauritsen Torp hadde resten — «eiger paa hans quindes vegne i Killand 1 hud», heiter det. Garden var såleis då sett i 3 huder, i 1668 sett ned til  $2\frac{1}{2}$  hud, men då var underbruket Lonebu serskilt skyldsett med  $\frac{1}{4}$  hud. Lonebu er nå eige gardsnr. I 1623 var det Ragnild Kieland som hadde garden, i 1628—31 nemnt Ranni Kieland.

Berull Kieland eig  $\frac{1}{2}$  hud i 1643 og er då flytta til garden. Me kan sikkert gå ut frå at han var av Torp-ætta (sjå denne). Svane Torp åtte då 1 hud og Torkel Dolholt  $1\frac{1}{2}$  hud. I 1645 er på Kiland: Berull og hans qvinde, en pige Gunnil. Nils og hans qvinde. 1647: Berull K. «eiger og bruger  $\frac{1}{2}$  hud, leier av Svane Torp

3 gsk og av Eluf Torp 1 gsk, av Torkel Dolholt 1½ hud».

Slik er det fram til 1657. Berulv betalar då 1 dl 2 ort 3 sk i kvegskatt. Han står som eigar av 2 huder, i 1658: 1½ hud, 1659: 2½ hud. Trulig er dette ikkje rett. Landkom. 1661 fører han opp som eigar av 1½ hud. Han har såleis nå overtatt alt Torp-godset i garden. Dolholt-godset er då gått over til Anstein Heisel i Venesla og Aamund Ulfsen Strai. Berulv leiger av dei. I 1664 er Berulv Børgesen 54 år og har sønene Børge 20 og Osul 16 år. Berulv var gm Astri Osulsdtr, søster til Kittel Osulsen Eppeland som kom til Igland. Og dermed kom Åsulv-namnet til begge gardane. For det blir Osul Berulvsen som fører ætta vidare på Kiland. Børge høyrer me ikkje meir gjete, så han må nok vere død eller flytta ut. Aasulv vigde med Astri Toresdtr av den gamle Dolholt-ætta på Metveit. Søster til Aasulv, Gjertru Berulvsdtr, kom til Metveit, gm Jens Toresen. Det har elles fleire gonger ned gjennom tidene vore samgifte mellom folk på desse gardane.

*Det går ut for den gamle ætta.*

Berulv Børgesen sat i 1674 med 1 h 5½ ksk i Kiland, 4½ ksk i Torp og ½ h i Tyssekil, men det minka fort med makt og jordegods for denne ætta på slutten av 1600-talet. Berulv levde i 1688 må me gå ut frå, då han er nemnt i odelsskatten det året, men er trulig død det belet. Sonen Aasulv døde i 1694 — 49 år gl. Det er sk etter han i 1695 og det syner seg nå at det er reint ute med dei på Kiland økonomisk. Han hadde arva 6⅔ ksk. I 1686 hadde han for 40 rd kjøpt 5 ksk i Kiland og ½ ksk i Lonebu. Det var ei Mette Rasmusdtr som selde dette på vegne av mannen sin Peder Eilefsøn. Dei 11⅓ ksk i Kiland blir «vorderet» for 97 rd 21 sk. I Lonebu blir 1⅙ ksk sett i 9-2-21. Det er i buet tilsaman jordegods og

lausøyre for 157½ rd, men gjelda er på 187½ rd.

*Innsteg på Kiland ein dag i 1695.*

Skiftet etter Aasulv Berulvsøn var 1. oktober 1695. Då møtte lensmann Jon Ansteinsen Tjore og vurderingsmennene Engel Olsen Grøsele og Aasuld Kiddelsen Igeland. Der møtte au morbror til borna Jens Toresen Metveit og Børge Hafstad «som er børnenes faders syskendebarn udi 2det og 3die led». Her får me såleis greie på ættesamanhengen som me tidligare har slutta oss til ut frå namn og jordegods. Borna til Aasulv og Astri Toresdtr er: Tore 16 år, Anders 13, Beruld 11, Astri 9 og Gunild 3 år. Av borna høyrer me sidan bare om Anders, som kjem tilbake til Kiland og løyser garden ikr 1720.

Det var ikkje så svært mykje Astri Toresdtr hadde å registrere. Ein skulle ha venta at det var gamalt arvesølv, men det er der ikkje. Det mest verdfulle er 1 kaaberkiedel v. 1½ bismerpund verdsett til 6 rd eller 2 kuverd. Ein messingmalmstage med 2 piber blir sett i 1 rd. Det er og to andre lysestaker av messing. Av tinn er det bare eit fat verdsett til 2 ort. Til matlaging hadde dei 1 jerngryte (1½ dl) og en gl brøden dito (2 ort). Til brygging: 1 lidet bryggekar, 1 øltønne, 1 anker. Av linklæde var det bare 1 gl lagen verdsett til 16 sk. Seng- og benkeklæde: 1 doche sengeklæde 3 dl, 1 gl bolsterdyne 2 dl, 1 gl løsen sengekl. 1½ dl. 1 par puder uden var 3 ort. 1 benchedyne 1 ort, 1 hynde 1 ort. Av innbu var det 2 «forrekister» med lås og 1 utan lås. Av reidskap er det bare nemnt 2 bolløkser og 1 tømmerlenke. Vidare 2 hesteseler og ein sale. Dei har 1 «Udequern» verdsett til 3 dl. Av klæde etter Aasulv er det 1 bron klædes klædning af trøie og boxer 1½ rd. Meir er det ikkje dei har utanom «Queg og creatur»: 3 kyr a 3 rd, 1 tior 3 rd, 1 kvie 1½, 1 stutkalv 1-1-0, 1 bron hest 3 dl, 5 geiter a 2 ort. Jordegodset er tidligare nemnt.

*Nye folk til gards. Garden blir delt.*

Astri Toresdtr måtte gå frå garden. Me veit elles ikkje hvor ho og borna flytta av. Dei er ikkje på Kiland i 1701. Då står Aase Helleland som eigar av 10 ksk. Christoffer Hørte har au 10 ksk. Den einaste som er der er Ole Andersen, som er 24 år ug. reservesoldat. Han leiger 10 ksk. Han var au av Hørte-ætt. Det var nok rikingen Laurits Torkildsen Lindtveit som

hadde slått til seg det meste av Kiland. Han hadde 125 rd til gode av Aasulv Berulvson og slo til seg hans jordegods for dette. I 1697 hadde han kjøpt  $4\frac{1}{2}$  ksk av Hans Berulvsen Udjus for 32 rd, men må nok elles ha ått meir i garden. For han selde  $11\frac{3}{8}$  ksk til Salve Terjesen Helleland, det veit me av sk på Helleland i 1701. Same året transporterer Laurits 8 ksk i Kiland som han hadde fått på sk etter Aasulv Berulvsen til Torjus Christoffersen Hørte.

I 1706 er det to brukarar på Kiland. Aase Jonsdtr, som då må ha flytta frå Helleland, brukar halve garden 1 h 3 ksk og er eigar av 7 ksk. Ein Aanon eller Omund Ivorsen (Ifuersen) er brukar av resten av garden. I 1706 har Omund ei dotter Ragnild til dåpen. I 1711 (skoskatten) er Omund og Christoffer der. Den siste er Christoffer Torjusen Hørte som me frå annan stad veit brukte Kiland i 19 år, men måtte gå frå på grunn av odels-søksmål. Ommund kom til Austland.

#### *Den gamle ætta kjem tilbake.*

I 1719 ser me at Anders Aasulsen Kiland lyser sin pengemangel til løysing av  $2\frac{1}{2}$  hud i garden. Han var som nemnt den nesteldste av sønene til Aasulv Berulvsen og f ca. 1682. På denne tid må han vere komen tilbake til Kiland. I 1720 vigjer han med Marithe Christoffersdtr Hardeberg av Hørte-ætta. Same året kjøper han og svogeren Arne Omundsen  $5\frac{1}{8}$  ksk av Arnt Hansen Landvig. Det var jordegods som Hans Arntsen von Kampen hadde fått kloa i. Arne kjøper så i 1721 av Christoffer Torjusen Kiland og Haaver Jensen Metveit 1 h  $\frac{7}{16}$  ksk for ca 135 rd. Arne var gm søster til Anders, Astri Aasulsdtr, ho som var 9 år i 1695. Me veit ikkje hvor Arne kom frå. Han er skrïve både Arne Aanonsen og Omundsen. Anders Aasulsen må au ha løyst eit bruk i garden, for i 1722 gir han pant til Søren Ja-

kobsen for 148 rd. Dette får me stadfest ved sk i 1727 då Anders har 15 ksk i Kiland verdsett for 180 rd med oppl. om at garden er pantsett til Søren Jacobsen. Anders Aasulsen og Arne Aanonsen står i 1723 begge oppført som «selveiere» med hver sin halvpart av garden.

#### *Garden brenn!*

Anders og kona hadde kome seg godt i veg på den gamle ættegarden då ulykka er ute. Ein novemberdag i 1726 brann det for dei og dei misste alt dei åtte. Anders fører tingsvitne på Bringsværd ting om dette 22/4 1727. Det heiter:

Anders Aasulsen Killand fremstod for retten og beklagede den ulykkelige ildebrand hannem ungefærlig sex uger før juul 1726 var overgaaen, i det hans gaardeparts beboed sædehuuse samme tid av vaadeild blev opbrændt, hvilken ildebrand desuden medtog hvad boskab og klæder han med fattige hustru til den tid forvervet, saa nær at begge saa godt som nøgne maatte rædde sig av ilden og faren.

#### *Det går ut på ny.*

Anders sat i stor gjeld og brannen gav han nok ein knekk økonomisk. Ved sk etter Marthe i 1731 heiter det såleis: Rede penger, sølv, kaabber, messing eller tin, sagde enkemanden efter tilspørgende ikke at være eiende, men ganske lidet løsøre, saasom hans hus og løsøre for 4 aar siden blev avbrændt saa intet og neppe livet om nattetider blev reddet.

Nå, livet berga han, men garden kan han ikkje berge. Det er Søren Svendsen Lunden som får tak i pantebrev. Ved sk etter Marte fekk han utlagt  $\frac{3}{8}$  ksk i garden, det var det heile. Buet hans hadde i 1731 ein netto på bare  $9\frac{1}{2}$  rd. Anders gifte seg oppatt med Gunhild Tellefsdtr Naxbie, men det går stadig til atters for dei. Ved sk etter Anders i 1742 er bruttoeiga 63 rd, av dette 54 for lausøyre og 9 rd for  $\frac{6}{8}$  ksk i K., men gjelda er 149 rd.

Det er mange kravsmenn i buet. Største kravsmannen, Søren Svendsen Lunden, krev 88 dl 3 ort 9 sk. Av dette er 2-3-0 forskot til gravferda. Det er mange som har til gode tenesteløn. Aasulv Arneson, søstersonen, krev 6 dl for 1 år, Bent Olsen, som sidan blei gm enka, 12 dl for 1 år, Astri Jakobsdtr 3 dl for «avvigte aar», Terkel Andersen for 1 år 2-2-6, Gundlef Tellefsdtr for 1 år 3 dl og Terje Olsson for 1 år 2-2-0. Skiftekostnad 9 rd. Det er i alt prioriterte krav på 42½ dl. Skrivaren (Undall) tar jordegodset.

Det stod ikkje stort likare til på det andre bruket. Astri Aasulsdtr vigde oppatt med Peder Christensen Leesland. Dei dreiv garden til Astri døde i 1741. Ved sk var det lausøyre for 22½ rd. Dei hadde 1 h 3 ksk i garden verdsett til 20½ rd, men nettoen ved sk var bare 12 rd.

Aasulv Arnesen, son til Astri og Arne Aanonsen, døde på Kiland og det var sk 1744. Ei dotter Astri. Aasulv hadde brutto ca. 30 dl, men gjelda var 39. Enka Marthe Andersdtr vigde oppatt med Tarald Nilsen Sundbakken. Dei budde på Kiland og fekk mange born. Den eldste, Nils, vigde 1772 med Johanne Pedersdtr Koveland. Osul f 1746 fekk i 64 ein son Ole med Ane Olsdtr frå Bjelland. Helgie f 48 g 81 med Eiven Nilsen Væding, Hf. Anders 53, tente på Nørholmen 1770. Terkel 55, tente i Kalvehagen 70. Kari, tente på Øye 1770 og var då 13 år. Fekk ein son Ole 1773 med Ole Osulsen, g 88 med Christoffer Christensen Risdal. Knud f 1763. Veit ikkje meir om dei, men Marthe døde på Kiland i 1801, 78 år gl. Ho var hos dottera Astri og svigersonen Anders Andersen.

Gunhild Tellefsdtr vigde som nemnt med Bent Olsen som hadde tent på garden. Han var frå Svaland i B. Dei fekk au fleire born. Ole 1744—52, Siri 47, Gjertru 50. Ho vigde 1770 med Terje Salvesen Stalleland og kom sidan

til Helleland, der gm Mads Nilsen. Gunløv 53, Ingeborg 56, Ole 61—79. Bent Olsen døde 1775 — 70 år gl, Gunhild 1791 — 80 år gl. Dei er ikkje nemnt mellom åsittarane i 1766. Christen Sørensen Store Heimdal vigde i 1752 med Marthe Andersdtr. Ho var dotter til Anders Aasulvsen Kiland, og Christen og Marthe overtok sidan eit bruk i Kiland. Dei er der i 1762 då dei har sonen Anders til dåpen.

#### *Den gamle ætta kjem tilbake.*

I 1763 gjer Anders Andersen og svogeren Christen Sørensen «kontrakt om denne gaards eiendom og brug, hvorved den første skal have ⅔ parter og den siste ⅓ part i denne gaard». Det var Søren Svendsen Lunden som då sat med Kiland, i alle fall det meste av garden. I 1764 får Anders Andersen kjøp på 11⅓ ksk i Kiland, det som faren hadde sete med, og 2 ksk i Lonebu for 320 rd. Christen får kjøp på 10 ksk i K. og 1 ksk i Lonebu for 160 rd.

#### *En del av garden på ny på handel.*

Christen Sørensen må gå frå sitt bruk i 1774. Han hadde då trulig bygd, for garden går for 250 rd ved auksjon. Anne Elsebeth Wæber får tilslaget. Det er nok desse 10 ksk som J. L. Grimnæs sel til Peder Nilsen Igland i 1781 for 280 rd. Det var ein John Kiland og Joran Sjursdtr som var på Kiland i 1788. Dei leigde trulig av Peder. John kom sidan til Nedre Grøsele.

Anders Andersen sat visst au hardt i det, for i 1782 sel han 5 ksk i garden til Peder for 120 rd. Same året sel han Lonebu for 76 rd til sitt søskenbarn Arne Pedersen Lonebu. Nils Pedersen Igland d.y. flytta til Kiland. Er der 1790—1804. Han var gm Aase Olsdtr Haslelia og dei fekk 6 born som alle er f på Kiland.<sup>2</sup> Nils kjøper garden av faren i 1795 for 300 rd. I 1803 makeskifter han garden 1 h 3 ksk verdsett til 2000 rd med John Nilsen Dolholt og

flytter dit. John sel same året til Ellef Thorsen Uldal for 2000 rd. Han må au betale 200 rd til John for odelsløysingsretten. I 1807 sel han garden til Torborg Ellefsdtr for 2250 rd og flytter til Nedre Grøsle, seinare til Landvig. Torborg var enke etter Tellef Jacobsen og sat på Kiland til 1810 då ho selde til brørne Hoskuld og Arne Aanonsen for 2600 rd. I 1812 betalar dei Terkel Johnsen Skiftenes 700 rd i odelspengar.

*Det går ut med den gamle ætta.*

Etter at Anders Andersen hadde selt frå 5 ksk til Peder Igland sat han att med halve garden 1 h 3 ksk. I 1809 pantset han dette «for til laans bekomne 50 rd av de av Kongen til udlaan blandt trængende bestemte capital». Anders er 70 år i 1810 og han og kona gir seg då i follaug til sonen Aasul som då er 28 år gl. Det kan ikkje ha vore så svært mykje tak i han, for alt i 1819 gir han opp. Då foreldra gav over, stod det ikkje så ringt til som så mange gonger tidligare som me har set. Anders og kona held unna 6 ksk som skal vera for follaugget og vidare 2 kyr og 4 sauer og «1 opred seng». Dei 9 ksk som er att blir verdsett til 900 rd. Det blir registrert lausøyre for 272½ rd. Med frådrag av gjeld og skiftekostnad (28½ dl) blir det att vel 600 rd. Dei hadde hest, 6 kyr, 8 sauer og eit par geiter på garden. Skrivaren dreg av med «1 fjorten dagers stueuhr med hus» verdsett til 20 rd.

Etter at Anders har gitt over går det fort til atters. I 1812 panter Anders og Aasulv garden for 1800 rd. Året etter låner dei 500 rbd mot 2 pr. Og så sel dei i 1819 til Ole Danielsen Hørte (som var gm dotter til Anders), Berul Johnsen Hunsdal, Ole Johnsen Birkedal og Jens Olsen Haaland for 1608 spd «imod at de ogsaa paatage sig Anders Andersens fledføring».

Det er nå ute for godt med den gamle ætta

på Kiland. Aasul Andersen levde på Kiland og døde der som legdslem i 1862 — 74 år gl. Kona hans døde 1842 — også som legdslem.

*Bnr 1.*

Bnr 1 nå er resten av det gamle hovedbølet som Anders og Aasulv selde i 1819. Dei nye eigarane skil i 1823 frå Grunnevasslia, nå bnr 6 med skyld 2¼ ksk. Dei sat då att med 12¾ ksk. Same året deler dei garden i 4, med 3<sup>3</sup>/<sub>16</sub> ksk hver og ¼ i hus m. v. Osul Evensen Solli er då eigar av den parten som Ole Johnsen Birkedal hadde, men han får først skj i 1827 for 200 spd.

I 1826 held delinga fram. Jens Haaland sel sin part. Av dette får Halvor Aadnesen (bnr 3) 1½ ksk, ei rekke stykke med dyrka mark og innmark. Berulv Johnsen får 1<sup>1</sup>/<sub>16</sub> ksk. Han har nok au kjøpt det som Ole Danielsen Hørte hadde, for Berulv sit med 6¾ ksk og får nå i alt 7<sup>7</sup>/<sub>16</sub> ksk. Sven Johnsen Haaland får utlagt ⅝ ksk som han betalar med 75 spd. Osul Evensen, som ikkje har kjøpt noe, sel sin part til Sven Johnsen i 1833 for 350 spd. Sven Johnsen sel til Aanon Halvorsen i 1854, og dette saman med 6½ ksk frå bnr 3 blir det nye bnr 2. Berulv Johnsen får bnr 1. Han var som nemnt frå Hunsdal.<sup>3</sup> I 1855 sel han frå plassen Lonehola ⅞ ksk. Resten av den gamle plassen er nå kome tilbake til hovedbruket. I 1755 får Thomas Berulvsen skj på egedomen etter faren for 750 spd. Enka hans, Anne Knutsdtr, sel så i 1858 til Ole Knudsen Toskedal<sup>4</sup> for 900 spd. I 1896 går garden til Ole Knudsen for 5200 kr. Knud vigde i 1893 med Ingeborg Kiddelsdtr Igland, men Knud døde i 1900, bare 42 år gl. Ingeborg f 1862 har sidan sete med bruket (etter oppl. 1956), men Anton Kiland (Anton Gundersen Haaland) som er gm Signe Birgitte, dotter til Ingeborg og Knud, har i mange år styrt med garden.

Bnr 1 har skyld mk 3.45, har 27 dekar

dyrka mark og ca. 800 da produktiv skog. Sætehuset er frå 1750<sup>5</sup> i 1½ høgd, 115 m<sup>2</sup>, ombygd 1945.

### Bnr 3.

Me så at halve Kiland i 1810 blei seld til brørne Hoskuld og Arne Aanonsen. Arne døde i 1819. Han var gm Marthe Gundersdtr Grøsløf på Aanesland. Hoskuld, som var flytta til Lande i Vegusdal, selde same året som Arne døde, sin halvpart i Kiland til Marthe for 262½ spd. Heile garden 15 ksk blir ved sk sett i 525 spd. Anders og Hans Dedekam i Arendal blir ved sk utlagt 9⅔ ksk for 325 spd.

Marte gifte seg same året med Halvor Aadnesen Senningtveit og han løyser ut Dedekam alt året etter. Oldefaren hans var Aadne Torjusen Hørte som kom til Senningtveit ved gifte i 1727. Han var bror til Christoffer Torjusen som sat på Kiland først på 1700-talet.<sup>6</sup> Døtrene til Arne Aanonsen var Tarjer Arnesdtr gm Ole Jensen Haaland og Kirstine gm Torjus Olsen Metveit. I 1837 løyser Halvor inn det dei hadde arva i garden, omlag 2 ksk for 120 spd. Som tidligare nemnt kjøpte han til 1½ ksk frå det andre bruket i 1826. For dette betalte han 140 spd. Garden hans var nå på 16 ksk meddi han hadde selt frå ½ ksk til Søren Christensen og Ole Lonebu.

I 1854 skil Halvor Aadnesen ut 6½ ksk til sonen Aanon Halvorsen (bnr 2) og sit att med 9½ ksk eller 2 dl 3 ort 4 sk. I 1862 overdrar han så garden til sonen Osul, 3½ ksk for 300 spd, 6 ksk for follaug for seg og kona så lenge dei lever.

I 1905 skj Aasul Halvorsens arvingar garden til Gunnar Aasulvson Kiland for 12 000 kr. Eigedommen går i 1936 over til brordøtrene Margit og Aagot Kiland. Margit Kiland og mannen hennar Are Torjusen Metveit får skj frå Aagot Kiland same året for 25 600 kr.

Med i kjøpet er då au bnr 11 og 12. I 1937 kjøper så Aagot Kiland eigedommen tilbake for 35 600 kr.

Bnr 3 har skyld mk 5.39, har 25 da dyrka mark og 1200 da produktiv skog. Sætehus av tømmer bygd 1860 i 2 høgder, 96 m<sup>2</sup>, 8 rom og kjøken, modernisert 1948. Dessutan stabbur m. v. Fjøs og stall er bygd av gråstein. Aagot Kiland er gm Eilef Hansen.

### Bnr 2

er slått saman av dei 6½ ksk Aanon Halvorsen fekk av faren i 1854 (sjå bnr 3) og det han kjøpte av Sven Johnsen. Det var 2<sup>11/32</sup> ksk som blei betalt med 250 spd. Sven hadde i 1846 selt frå til Ole Nilsen Kvernevollen 1¼ ksk (sjå bnr 5) og til Terje Terjesen Stalleland 7/32 ksk. Dette er sidan lagt til Stalleland gnr 47 bnr 1. Aanon betalte 500 spd for det han fekk av faren.

Gunhild Terjesdtr får som enke etter Aanon løyve til å sitte i uskift bu i 1864. I 1866 blir skild ut eit stykke av skyld 5 sk til Salve Hørte (bnr 9). I 1868 sel Gunhild til sonen Halvor Aanonsen, men han sel i 1870 til Halvor Torjusen Metveit for 993 spd. Halvor var gm mor til Halvor Aanonsen. I 1879 byter han ut til sonen Osul eit stykke Vestre Lonehola av skyld 20 øre (bnr 11). Dette høyrer nå til bnr 3. I 1886 får Peder E. Stoveland auksjons-skj for 3000 kr. Han sel i 1908 til Torjus Halvorsen Kiland for 7800 kr. I 1913 sel så Torjus til Nils Johan Igland for 24 000 kr. Garden blir sidan dreven med leigefolk.

Bnr 2 har skyld mk 4.34, har 18 da dyrka jord og 1000 da produktiv skog. Sætehus i 1½ høgd, bygd 1875.

### Eigarar og brukarar gjennom 350 år.

Me kan sette opp denne rekke over eigarar og brukarar:

*Heile garden 2½ bud.*

Ca. 1610—1623	Aanon Kiland (brukar)
« 1623—1640	Rannei Kiland (brukar)
« 1640—1680	Berulv Børgesen
« 1680—1695	Aasulv Berulvsen
« 1695—1720	Fleire eigarar og brukarar. Garden delt.

*Halve garden 15 ksk.*

1720—1742	Anders Aasulvsen
1742—1763	Gunhild Tellefsdtr, enke etter Anders gm Bent Olsen Svaland (brukar)
1763—1810	Anders Andersen (hadde $\frac{2}{3}$ av garden 1763—1782)
1810—1819	Aasul Andersen
1819—1823	Berulv Johnsen Hunsdal m. fl. Garden delt.

*Bnr 1 7<sup>7</sup>/<sub>10</sub> ksk.*

1823—1855	Berulv Johnsen
1855—1858	Thomas Berulvsen
1858—1896	Ole Knudsen (Toskedal)
1896—1900	Knut Olsen
1900—	Ingeborg Kiddeldtr, enke etter Knut.

*Bnr 3.**Halve garden 15 ksk.*

1721—1727	Arne Aanonsen gm Astri Aasulsdtr
1727—1741	Peder Christensen gm Astri Aasulsdtr
1744—1764	Marthe Andersdtr gm Tarald Sundbakken

*10 ksk.*

1764—1774	Christen Sørensen gm Marthe Andersdtr Kiland
1774—1781	Utanbygds eigarar. Brukar John Gundersen
1781—1782	Peder Nilsen Igland.

*15 ksk.*

1782—1795	Peder Nilsen Igland (brukar Nils P. Igland)
1797—1805	Nils Pedersen Igland d.y.
1805	John Nilsen Dolholt
1805—1807	Ellef Thorsen Uldal
1807—1810	Torborg Ellefsdtr
1810—1819	Hoskuld og Arne Aanonsen
1819—1854	Halvor Aadnesen (garden delt).

*9½ ksk.*

1854—1862	Halvor Aadnesen
1862—1905	Osul Halvorsen
1905—1936	Gunnar Aasulvsen
1936—1937	Margit Aresdtr Kiland og Are Torjusen Metveit
1937—	Aagot Aresdtr Kiland gm Eilef Hansen.

*Bnr 2.*

1854—1864	Aanon Halvorsen
1864—1868	Gunhild Terjesdtr
1868—1870	Halvor Torjusen (Metveit)
1886—1908	Peder E. Stoveland
1908—1913	Torjus Halvorsen
1913—	Nils Johan Igland.

*PLASSAR, FRÅSKILDE BRUK OG  
TEIGER*

Lonebu var opphavlig husmannsplass under Kiland, men alt i 1668 er det fråskild som sjølvstendig underbruk. Har nå eige gardsnr.

Grunnevasslia var gl plass. Blei utskild som eige bruk i 1823.

Lonehola og Kvernedalen var plassar, men blei frikjøpt.

*Bnr 5 Kvernevollen.*

I 1846 selde Sven Johnsen Haaland 1¼ ksk til Ole Nilsen som fekk skj i 1848 for 140 spd. Han bygde då trulig på Kvernevollen. I 1860 sel han frå Øvre Qværnevold eller Kvernedalen til John Tønnesen, som i 1840 hadde bygsla denne plassen, og sit att med  $1\frac{1}{2}$  ksk, ny skyld mk 0.41. I 1867 sel han så til Andreas Pedersen for 400 spd. Andreas var f på Birkeland i B. 1823. Han var gm Gunlaug Kaspersdtr frå Holum f 1813. Andreas blei i 1886 slegen i hel av ei planke. Han var tømmermann.

I 1867 har Kvernevollen 2½ mål tør sandjord, bakkeslått til 6 lass. Kan fø 1 ku. Utsåd: Bygg ½ tn, avl. 2½, poteter 1½ tn, avl. 10 tn. Andreas har i 1875: 1 ku og 3 sauer. Han sår ¼ tn bygg og set 1 tn poteter.



I 1906 får Ole Larsen Butveit skj på egedomen for 1960 kr. Ei dotter Ragna f der 1902. Ole var skomakar. Han selde i 1918 til Karl Hauge for 17 500 kr. Anton Lonebu kjøpte egedomen i 1921 for 6000 kr. I 1936 gjekk egedomen over til sonen Aasulv Lonebu.<sup>7</sup> Han kan føra si ætt tilbake til dei gamle på Kiland.

Kvernevollen har nå 8 da dyrka mark og 150 da produktiv skog. Nye sætehus bygd 1933.

*Bnr 6 Grunnevasslia.*

Ein mann som heitte Terkel Kristoffersen rydda Grunnevasslia.<sup>8</sup> Han var gm Anne Andersdtr Kiland f 1735. Dei budde på plassen i 1792 med 1 son og 4 døtre. Dei sådde 1 tn bygg, avl. 7, og sette  $\frac{1}{8}$  tn poteter, avl. 1 tn.

I 1801 er Terkel 62 år. Heime var sonen Anders 28 år og dottera Kirsti 24 år. Me finn ingen av borna i kb, så dei har vel budd utanfor bygda då borna kom til. Ane Terchelsdtr som i 1804 vigjer med Osul Andersen Kiland er trulig frå Grunnevasslia. Anders Terkelsen vigde med Gunhild, søster til Osul. Ho var enke på Kiland 1810. I 1818 er det sk etter Anders og Gunhild. Dei hadde ei dotter, Anne, som då var hos bestefaren i Grunnevasslia. Lausøyra blei seld på auksjon for vel 37 spd.

I 1823 kjøper Søren Christensen Furre plassen som då blei utskild frå Kiland med skyld 2 $\frac{1}{4}$  ksk. Søren døde i 1838 — 54 år gl. Han var gm Gunhild Terkelsdtr, trulig dotter av Terkel Kristoffersen. Søren selde frå  $\frac{1}{4}$  ksk til Knud Torjusen som seinare kjøpte Hardeberg. Denne parten kom såleis til Hardeberg. I 1826 kjøper han til  $\frac{7}{30}$  ksk av Halvor Aadnesen Kiland og har då 2 $\frac{17}{32}$  ksk. I 1829 fester han eit kvennhus med grunn av Thomas Pedersen Hardeberg for 1 arbeidsdag til året.

Terkel Sørensen Grunnevasslia g i 1839 med Christine Rasmusdtr Jamvold. Ho døde året

etter, bare 21 år gl. Han g seg oppatt i 43 med Anne Johnsdtr Hardeberg. Dei fekk sonen Søren Christian 44 og dottera Sille Marie 45. I 1846 sel Gunhild Terkelsdtr og Søren T. eit stykke på  $\frac{7}{16}$  ksk til Terje Terjesen Stalleland. Dette har sidan høyrte til Stalleland.

Terkel flytter frå i 1847. I 1855 sel han eit stykke til Thomas Hardeberg og resten 1 $\frac{11}{16}$  ksk til Osmund Nilsen. Han budde då på Toskedal, men var komen frå Frolands Verk (etter N. Igland). Osmund blei den siste som budde i Grunnevasslia. Han selde, trulig like etter 1865 då kona hans, Berte Markusdtr, døde. Salve Hørte står som eigar i 1867 og det er oppgitt at bruket kan fø 2 kyr og fire sauer . . . 6 $\frac{1}{2}$  maal tildels tyndt jordlag paa berg og sand, heiter det om den dyrka marka. Utsåden blir oppgitt til  $\frac{1}{2}$  tn bygg og 1 $\frac{1}{2}$  tn «potets». Skog netto 1 spd 9 sk til året.

Eivind Hørte fekk hevdsdom på egedomen i 1907, verdsett til 1552 kr. Salve Hørte har egedomen nå.

*Lonehola (bnr 7).*

I 1824 fester dei 4 eigarane av det gamle hovedbruket på Kiland plassen Lonehola til Tønnes Olsen Lohnehola for 2 arbeidsdagar årlig. Tønnes døde i Lonehola 1841 — 75 år gl. I 1834 døde hm.kone Aase Torjusdtr Loneholla — 61 år gl. Ho var trulig kona til Tønnes. Dei var nok komne til Lonehola kring 1820 eller noe før, for i 1819 er innført at Torjus Tønnesen Lonehollen får eit barn med Gunløv Andersdtr Kiland. Dei gifte seg i 1821. I 1827 festa dei plassen Øygarden under Bereli. Ole Tønnesen L. vigde i 1837 med Anne Sophie Berulsdtr, som då sat enke på Monen og hadde to born. Dei overtok i Lonehola. John Tønnesen L. vigde i 1838 med Valborg Olsdtr Lonebu. Dei feste i 1840 plassen Øvre Kvernevold (Kvernedalen) som John kjøpte i 1860 for 100 spd.

Det var nok svært smått for dei i Lonehola. I 1837, same året som han hadde gifta seg, tar Ole ein pose med mjøl i ei kvenn i Grunnevasslia. Og Ole kjem for retten. Der vitnar Terkel Sørensen Grunnevandslien som hadde henta att mjølet at Ole «er ein husmand i ydderst trængende kaar og nylig gift med en enke med to uforsørgede børn». Han har ikkje tidligare merkt noe «uskikkeligt» med han. Ole sjøl forklarar seg slik . . . forklarede: at efter han forlod Grundevandslien sent om aftenen den 14de ds. (desember) faldt han paa at gaa ind i den i nærheden liggende qværn, og i hvilken qværn han vidste det maatte være mel at finde, hvilket han agtede at bemægtige sig, for paa den maade at faa noget til sin families underholdning, da han er i ydderst trængende forfatning, og havde for tiden hverken for sig selv eller sin familie at leve av». Kona fekk mjølet og kokte graut av noe, kanskje ein halv notting. Det blei ein dyr graut. Ola får 2 månader tukthusstraff og må betale til aktor 10 spd og elles «udrede alle av hans arrest, varetægt og transport samt av sagen flydende omkostninger efter av amtet approberede regninger». Stakkars mann!

Kona til Ole, Anne Berulsdtr, var frå Uldalsmonen i Mykland. I 1838 får dei ei dotter Aase, men dei flytter frå ei tid. I 1875 er Ole i Lonehola hos sonen Nils som er f 1839. Det er her oppgitt at Ole er f i Birkenes 1805. Han døde på Bakken i 1893. I kb er då oppgitt at han er f i Lonebu. Det siste kan me ikkje finne er rett.

Lonehola blei utskild frå Berulv Johnsens bruk i 1855 og i 56 fekk Ole Tønnesen Lunde-hullet, som dei skreiv, skj på  $\frac{7}{8}$  ksk for 122 spd. Han selde i 1859 til sønene Nils og Thomas. Thomas gjekk gjennom isen på Syndle like før nyttår 1862 og bleiv der, bare 20 år gl. Nils hadde ein son Thomas f 1863. I 1875 gifte Nils seg, som då var enkemann, med Karen Hansdtr frå Austad. Ei dotter Gusta 1876.

Frå Lonehola blir i 1878 fråskild eit skogstykk av skyld  $\frac{1}{4}$  ksk (bnr 10 Vardehei) som Nils Igland kjøpte. Året etter sel han  $\frac{19}{32}$  ksk til Osul Halvorsen (bnr 12, som sidan har høyrte til bnr 3). Nils sat då att med  $\frac{1}{32}$  ksk, nytt skyld 2 øre. Han flytta frå på denne tid

og ut til Bakken, og Lonehola blei nedlagd som buplass.

I 1867 er det oppgitt at det til «Lonehul» høyrer  $2\frac{1}{2}$  maal temmelig klein sandjord og utslåtte til 2 lass. Kan fø 1 ku, utsåd  $\frac{1}{4}$  tn bygg og  $1\frac{3}{4}$  tn poteter. I 1875 er oppgitt at Nils før 3 kyr, 1 ungdyr, 8 sauer, og sår  $\frac{1}{8}$  tn kveite, 1 tn bygg og 4 tn poteter, men desse tala må vel på ei eller onnor vis ha blitt gale. Lonehola høyrer nå til bnr 3.

#### *Kvnedalen (bnr 8).*

I 1840 festa John Tønnesen Lonehola og kona «et jordstykk Øvre Qværnevolden kaldet, tilige med buegang i et skovstykk Qværnevoldsbrøndene kaldet, mod aarlig avgift 4 spd. I 1860 kjøper han plassen (Kvnedalen) av Ole Nilsen Kvernevollen for 100 spd. Kona til John, Valborg Olsdtr, d i 1872 og John g seg oppatt med enka Anne Gundersdtr Nævesdal. Dei flytta nok frå, for i 1875 er Ole Gundersen i Kvernedalen. Han var frå Birkeland i Kvås f 1843 og var enkemann då han kom til Kiland. Hadde døtrene Oline Amalie f 1864, Anne Gurine 71 og Kristine 74. Dei hadde ikkje buskap i 1875. Sådde  $\frac{1}{2}$  tn bygg og sette 1 tn poteter.

I 1867 er oppgitt at Kverndalen har 2 mål skarp sandjord og skrapslåtte til  $2\frac{1}{2}$  lass. Utsåd 2 tn poteter.

Ole Gundersen fekk kjøp på Kvernedalen i 1879 for 800 kr. Han gifte seg i 1876 med Gunhild Salvesdtr Birkedal. Ein son Salve f 1885 reiste til USA og døde der.

Det budde folk i Kvernedalen til ut i 1920-åra. Høyrer nå til bnr 1.

#### *Bnr 10 Vardeheistykket.*

Nils Igland kjøpte dette frå Lonehola i 1878 for 560 kr. Vardeheistykket gjekk i 1901 til Aasta Marie og Nils Johan Igland for 1200 kr. Aasta fekk sidan stykket for sin part. Ved sk etter mannen hennar, Kristen Aamli, i 1924

blir det sett i 4500 kr. I 1953 fekk sviger-sonen, Nils Torp, egedomen for 5000 kr. Har skyld 12 øre.

*Litt om garden — det dei fødde og avla.*

Kiland er som nemnt ingen stor jordgard. Men det er i matr 1668 oppgitt at garden kan fø 16 naut, 1 hest og 20 «smaler». Utsåd 5 tn. I 1695 såg me at buskapen ikkje på nâme nær kom opp i det som her er nemnt.

I 1723 er den samla utsåd ført opp med 7 tn. Garden kan fø 2 hestar, 10 naut, 10 sauer og 10 geiter, heiter det. Arne Aanonsen som brukte halve garden, hadde i 1727: 1 hest, 3 kyr, 2 stutar, 4 geiter og 5 sauer. Svogeren Anders Aasulsen som brukte den andre halve garden hadde i 1731: 3 kyr, 2 kvier, 4 sauer, 2 lam og 4 geiter, så dette var ikkje så langt frå tala i matrikkelen.

Den samla avling 1792: Rug  $\frac{1}{8}$  tn, bygg 32 tn (uts. 7 tn som i 23), poteter 3 tn.

Då Anders Andersen gir over i 1810 (halve garden) har han 1 hest, 3 kyr, 2 kvier, 8 sauer, 1 lam og 2 geiter. I 1819 har Are Arnesen (den andre halve garden): 1 hest, 6 kyr, 1 kvie, 16 sauer og 1 geit. Me ser at det nå går mot slutten med geitehaldet.

1867 (matr.kom): 2 hestar, 10 kyr, 20 sauer. Dette gjeld dei 3 hovedbruka. Avling på desse er 113 skp høy, av det utslätte til 37 lass. Bygg utsåd 5 tn, avl. 25 tn, havre  $1\frac{1}{4}$ , avl.  $4\frac{3}{4}$  (?), poteter  $10\frac{1}{2}$  — 60 tn.

I 1875 er buskapen 3 hestar, 12 kyr, 4 ungdyr og kalver, 29 sauer og 2 griser. Utsåd 6 tn bygg,  $\frac{1}{2}$  tn havre og 14 tn poteter. Det var det året i alt 30 menneske på dei tri bruka på Kiland, 6 i Kvannedalen, 4 i Lonehola og 2 på Kvernevollen.

*Skogen — sagbruk.*

Landk 1661: Temmelig skoug til bielcher og hustømmer. 1668: Skouff til bielker og smaalast. 1723: Temmelig god skov. I skifte 1727 er nemnt: Huggen last beliggende ved Grøslø 4 t kortbjelker a 3 rd 3 ort, 1 t langbjelker same pris. I 1742 får Bent Olsen 6 t bjelker som ligg ved Stalleland for sitt krav 12 rd.

I 1791 søker Anders Aasulsen Kiland, Nils Pedersen Kiland og Gjertru Bentsdtr Stalleland om «allernaadigst bevilling til en saugs oppbyggelse med et quantum av 300 udskibningsbord aarlig i Stallelandsbækken». Dei fekk trulig dette løyvet for me ser at dei på Kiland sidan er eigarar i Stalleland priv. sag.

I 1806 har Anders Andersen og Ellef Thorsen «erholdt kongl. allernaadigst bevilling til at oprette en bøygdesaug i Qvænedalsbækken». I 1810 blir halvparten av denne saga verdsett til 50 rd, medan  $\frac{1}{4}$  i Stalleland priv. sag blir sett i 10 rd. Frolands Verk slår til seg saggarten på Kiland i 1810, vidare m. a. 4 t eikelast for 20 rd.

I 1819 blir bygdesag, kvern og  $\frac{1}{4}$  i Stalleland sag verdsett til 35 spd. Siste gong eg finn bygdesaga nemnt er i pantereg. 1832.

I 1867 er det oppgitt at skogen på Kiland kan gje for vel 113 spd netto årlig.

*MERKNADER*

1. Sjå Torp-ætta.
2. « Iglands-ætta.
3. « Birkedal-, Hunsdal-ætta.
4. « Holtebu-ætta.
5. Etter Norges Beb. Som eigedomstilhøva var kring 1750 ikkje trulig at det blei bygd der då, vel heller i 1760-åra då Anders Andersen hadde overtatt.
6. Sjå Hørte-ætta (yngre Hørte-line. Senningtveit—Kiland-greina).
7. Sjå Leesland-ætta.
8. Etter N. Igland.

Øye ligg på sørsida av Kilandsvatnet, ikkje langt frå vegen Grøse—S. Herefoss, og her er det tri bruk nå. Til Øye høyrer au Fladholmen eller Øyna der det er bygd ein større villa. Namnet Øye tyder nok her som fleire andre stader i landet, etter det Rygh meiner, slette ved vatn. Frå Kilandsvatnet går det lange loner i sør på vestsida av garden. Bjørkoselva tar til sør for garden og svinger så austover. Her, ved vegen til Sollid, ligg den gamle saga.

Skogen til Øye ligg i ein avlang firkant og strekker seg over Kilandsvatnet vest for Sandodden og vinklar der Kilandskilen er på det breiaste, går så mot aust eit godt stykke, vinklar og går så i bein line over Størhei mot Valbeland. Også på Øyeheia i vest går bytet i bein line, så ein tydelig kan sjå at skogen ligg «fire endestavar mellom».

På det gamle hovedbruket på Øye har folk av same ætt sete i over 300 år. Ein gong er garden gått i arv i kvinneled, elles frå far til son. I 1775 blei garden delt. Salve Osuldsen fekk hovedbruket 1 hud, den yngre broren Ole fekk 6 ksk eller ein tridjepart av garden, nå bnr 2. Frå dette blei det så kring 1818 utskild  $\frac{1}{3}$  eller 2 ksk, bnr 3 nå.

Øye var først på 1600-talet på utanbygds hender. Garden skyldte 1 hud 1 gsk, men dette blei sett opp til  $1\frac{1}{2}$  hud i 1668. Eldste namn

me kan finne på brukar på Øye er Ola eller Oluff Øye i åra 1610—37. I 1613 betalar han knektskatt saman med Peder Aagre. I 1623 nemnt Gunvor Øide, i 1624 Gunder, 1625 Aanond. I 1645 er Steen og hans qvinde på Øye og betalar  $\frac{1}{2}$  ort i koppskatt. Og her har me første ættartotten. Han er seinare kalla både Steener og Stein. I 1647—1656 leiger han garden. Torkel Bie og Nils Hurvenes åtte då 11 kalvskind, Thore Hauge «i Lister Lehn» hadde 1 gsk og Thorgie Eskedal 1 ksk.

I 1661 (Landk.) er garden skreven Eidge. Steen Aanonsen eyer og bruker 11 ksk. Bestemand. Han leiger 1 gsk av Jon Wetteland og 1 ksk av Thorge Eschedals arfuinger. Me ser såleis at han hadde fått kjøpt det godset som Torkel Bie og Nils Hurvenes hadde. Og av dokument som blei lagd fram på Øye i 1710 ved sk etter sonen Nils Steensen, veit me au hossen det gjekk til. Stein hadde kjøpt godset i 1656 og 1660. Og me får au greie på at kona hans heitte Aase Nilsdr. Ho hadde tri søstre: Ingeborg som var gm Gunder Omli i Herefoss, Inger gm Tallag Sparhøgtved i Omli, og Torbør gm Knud Omdal i Froland. Då Biegodset blir kjøpt samstundes av Stein Øye, kan me slutte oss til at alle desse Nils-døtrene var døtre til Nils Hurvenes.

Det er elles som vanlig lite me har av opp-

lysingar frå denne tida. I 1668 heiter det at garden kan fø 1 hest, 9 naut og 9 smaler og sår 3 tn. Granneskoug til bjelker og smaa last. En flomqvern.

Steen Anonssen var 60 år i 1664. Han hadde sønene Nils, Aanon, Torge og Knud. Stein Øye døde i 1692, 87 år gl. Sonen Nils hadde trulig overtatt garden kring 1680, helst noe etter. For i 1681 ser me at Stein får skj på det gsk som arvingane etter Tore Hauge hadde. I 1685 løyser så Nils inn resten, det kalvskindet som Eskedalsfolket hadde hatt. Nils vigjer i 1703 med Guro Øvensdtr Bereli. Etter den tids rekning er han då ein eldre mann, ikring 57 år. Dei får døtrene Aase 1704, Marite 1706 og Karen 1709. Ho kom til verda etter at faren var død.<sup>1</sup> Av brørne til Nils høyrer me bare gjete Knud. I 1693 gir Knud Steensøn i Fredrikshald med kone Inger Rasmusdtr skj til broren Nils for all sin arv i Øye for 40 rd. Knud lever i Fredrikshald då.

*Enka ville ikkje betale «for klokkerne at ringe».*

Det var skifte på Øye etter Nils Stensøn 12. februar 1710. Tilstades var bror til Guro, Jens Øvensen på Bereli. Nils åtte ved si avferd heile Øye 1½ hud, og hadde lausøyre for 81½ rd, men det var ikkje lite gjeld så nettoen blei 19½ rd. Det var ikkje sølv i buet, ikkje koppar, og av «jernvare» det mest vanlige og heller lite med senge- og linklæde. Etter Nils var det: 1 graae kiærse troje og boxer 2 dl, 1 par gl blaaebraune klædesunderboxer 1 ort, 1 rød bois troie 2 ort 12 sk, 1 brun klædes cabus med blaa stamets opslag 1 ort 16 sk.

Krettur: Det var 1 gl rød kolloed koe Løfrei 2½ dl. Så var det 6 kyr med horn til 3 daler. Fargane var: Rødsidet, hviid, sortsidet, brun og hvid, sortsidet med hvid rygg. Og namna: Semprei, Dagros, Tøstrei, Donneros, Tanrei, Ringrei. Det var og ei kvie Snørei og ein tjør, Sølsvend. Vidare var det 1 stutkalv, 8 geiter, 3 kje, 3 sauer, 1 gjeldver, 3 lam, 1 muused hest 12 rd.

Træløst: Angav enken stærboen at tilhøre 3½ tylft smaa furre saugbjelker, nogle udkjørt til Uren, og nogle ved Riisbroen som enken lovede udi denne vinter at

uddrive til Grøse hvor lasten af den kiøbende annames og derfor vurderet som last naar den til Grøse er udkommen ibid a tylt 2 rd 3 ort . . . 1 tylt granespiser ved Riisbroen lova og enka å drive fram nå vintertid. Vart sett i 3 rd ved Grøse.

Gjeld: Lars Torkildsen Lindtveits arvingar hadde til gode omlag 29 rd. Ole Larsen Lindtveit har lagt ut 5-1-0 for skattar 1709. Vidare heiter det: Sognepræsten ærverdige hr. Friderich Munch lod ved bundelehnsmanden fordrer for liigprædike over den avdøde 2 rd, og 2 aars smør-rættighed 2 ort. Desforuden fordrer for klokkerne at ringe 1 ort 8 sk og paa Heigrefos kirkes vegne 1 rd. Hertil svarede enken at hun formodede ikke være pligtig at betale noget for klokkerne. Skrivaren viser då til lova at «gravde mænd skulde betale for klokernes ringen og andre av sognets almue som bruger gaarde betale derfor». Ho må ut med pengane.

Guro må ha vore eit kvinnfolk med bein i nasen. Når det gjeld kravet frå Heigrefos kyrkje veit ho ikkje kva rett dei reiser kravet med, seier ho, og veit heller ikkje av at ho er skyldig noe til kyrkja. Skifteretten finn då at kravet må falle bort «til der skaffes nærmere beviisligheder» . . . «og naar det skeer have enken og stervboen sig derefter at rætte». Guro får elles 6 rd for gravferdskostnad.

*Garden på 1700-talet.*

Guro sat ikkje lenge enke på Øye. Same året som det er skifte vigjer ho med Peder Paalsen Haaland.<sup>2</sup> Dei blir buande på Øye i mange år. Dei hadde sønene Paal og Auen, men begge døde då dei var små. Ein son Nils vigde i 1745 med Anne Romundsdt Tjore. I matr. 1723 er Peder Povelsen oppført som «selveier» til 1 h 6 ksk. Det heiter at dei kan så 3 tn 4 skj og fø 1 hest, 6 naut, 4 sauer og 6 geiter. Smaa gran- og fureskov. 1 qværn til gaards behov. Lætvindt og skrind. I 1743 er Peder skattlagd for 100 rd (lausøyre) og må betala 2 dl i skatt av dette.

Det er vel omlag på denne tid at Aase Nilsdotter kjem tilbake til Øye, med andre mannen sin Aasulv Salvesen som var frå Koveland i Hf. Og etter den tid har dei heit Aasulv og Salve på Øye.<sup>3</sup> Aasulv Salvesen løyser garden først i 1753 av Peder Paalsen, og av svograne



Øye.  
Salve Øyes bruk midt på  
billedet.

Hellek Haagensen Stalleland og Anders Christensen Hardeberg, 15 ksk for 184 rd.

I 1775 gir Aasulv og Aase seg i follaug til Salve Aasulsen d.e. mot vederlag 6 ksk i garden. Resten av eiedomen får så Salve og broren Ola «hver for den halve del mod at de betaler den derpaa hæftende deres forældres gjæld».

I 1767 hadde dei på Øye ei sak med Jens Haaversen Mætvedt som ved lensmann Ohnsorg i Øyestad stemmer Aasuld Salvesen Øye og søn Salve Aasuldsen «fordi de fra citanten haver borttaget endel ham tilhørende og fremdreven last». Aasul og Salve som møter ved lensmann Knud Imenes seier at «hverken har de aavirket mindre drevet last andet sted end deres egen eiende gaard Øyes grund». Er det noe å anka over, må saka gå til åstadsrett, seier dei. Mot dette protesterer Ohnsorg, som seier at det bare gjeld «regress» for den lasta som dei sak-søkte har tatt, men retten «eragter»: Stevnningen i sig selv at citanten tilegner sig eiendoms-

og aavirkningsret i et skougstykke Næsset kaldet — og om det seier lova tydelig hossen ein skal gå fram. Saka blir vist til åstaden, men eg har ikkje funne meir om dette, så trulig er dei blitt forlikte.

Salve Aasulsen gifte seg året etter at han hadde tatt mot garden. Mor hans døde i 1780, faren i 1781. Men Salve blei ingen gamal mann. Han døde i 1785, bare 52 år gl. Ved sk hadde han og kona Ingeborg Jensdtr tri søner i alderen  $\frac{1}{2}$ —6 år. Det var lausøyre for omlag 57 rd,  $\frac{1}{16}$  i Øye priv. sag 8 rd, 1 hud i Ø. med hus 300 rd og 1 kvern 7 rd, tilsaman 372 $\frac{1}{2}$  rd, men gjelda var 254 $\frac{1}{2}$  rd, og då skiftet kom på vel 20 rd, blei det bare 98 rd til deling. Buskapen var 3 kyr og 4 sauer.

Ingeborg Jensdtr vigde i 1788 oppatt med Anders Christensen Risdal. Han pantset i 1789 omlag 6 ksk i garden til Aslak Andersen Nærebø for 120 rd. I 1796 sel han til stesonen Aasul Salvesen 10 $\frac{1}{25}$  ksk for 466 rd.

Ole Aasulsen fekk som nemnt  $\frac{1}{3}$  i Øye i

1775. Han vigde i 1779 med Gunhild Jensdtr Haaland, søster til Ingeborg som var gm broren Salve. Ola har vel bygd på sitt bruk (bnr 2) på den tid. Gunhild døde året etter bryllupet, bare 19 år gl. Han vigde oppatt i 1781 med Kirsten Siversdtr. Ho var trulig den Kirsten Sivertsdtr frå Øyestad som tente i Dokkedal då ho blei konfirmert i 1769. Ola sat visst heller hardt i det. Han låner 100 rd i 1783. I 1790 må han gje 2. pr. pant i garden til justisråd Hans Smith (Frolands Verk) for vel 40 rd som han er skyldig. Han sår  $1\frac{3}{4}$  tn bygg og avler 8 tn i 1792, Anders Christensen avler 14 tn. Poteter er dei så vidt komne i gang med. Dei set  $\frac{1}{8}$  tn hver.

#### *Garden etter 1800.*

I 1801 er det tri huslyder på Øye: Ole Aasulsen og kona med 3 born, og Aasul Salvesen som eit par år før hadde vigd med Gunhild Terjesdtr Valbeland (søskenbarn). Den tredje huslyden er Anders Christensen, inderst 23 år, og mor hans Mali Osulsdtr. Ho var faster til Aasul Salvesen og dei budde nok i same huset. I 1808 ser me at Ole Aasulsen mot 4. pr. pant pantset 6 ksk i Ø. for gjeld vel 25 rd. I 1813 sel han så 4 ksk i garden og  $\frac{2}{3}$  av husa til sonen Sjur (Sivert) som var g og hadde budd der sidan 1810. Kjøpesummen var 33 rbd. n.v. I 1818 sel han til Thomas Haaversen Steinsvand, svogeren, for 650 spd.<sup>4</sup> I 1821 er det sk etter Ole Aasulsen. Sonen Syvert er då busett på Flaa i B. Arvingane seier at det fanst ikkje lausøyre som er verd å registrere. Dei to ksk han hadde i garden blir verdsett til 103 spd, men gjelda er 97 $\frac{1}{2}$  spd og resten går då til skiftekostnad. Av gjelda var omlag 20 spd kjøpmannsgjeld. Dessutan skal dottera Gunhild ha 40 spd som løn for 8 års teneste. Brorsonen Aasul Øye har til gode: 3 tn bygg 13-2-12, 2 pund kaffe 1-0-16,  $\frac{1}{2}$  pund sukker 0-1-8, betalt på Froland Verk

3 spd, tobakk for 0-3-12,  $\frac{1}{2}$  tn bygg 2-2-2, 8 $\frac{1}{2}$  potte brennevin 3-0-14.

Ole må visst ha bygd på sine 2 ksk (nå bnr 3). For i 1822 blir Syvert Olsen Øye dømt til å flytte frå garden og betale 15 spd i sakskostnad til mor si Kirsten Syvertsdtr som har stemna han. Kirsten hevda at Syvert hadde flytta inn på garden med huslyden sin utan lov og hadde bruka garden uløyves. Samtidig ser me at Thomas Haaversen er der, i alle fall frå 1820.

Det gjekk nok betre på det gamle hovedbruket, men Osul Salvesen døde i 1822, bare 44 år gamal. Gunhild sat så med garden til 1825 då det var samfrendeskifte og Salve Aasulsen som bare var 11 år, blei utlagd garden for 800 spd. I 1835 låner han ved verge 300 spd på garden.

#### *Ein takst 1826.*

Samfrendeskiftet var 17. februar 1825. Same året gifter Gunhild seg med Christen Christensen. Og han er nok ikkje rettleig nøgd med skiftet som har vore. Han krev takst for «jordegodset er ei taksert overensstemmende med loven om odelsretten av 26. juni 1821», heiter det. For Salve møtte då morbroren Christen Terjesen Valbeland, for dei andre borna møtte Ole Torjusen Mætveit.

Hus og jord med  $\frac{1}{3}$  i Øye priv. sag og  $\frac{1}{2}$  i kvern blir sett i 300 spd, skogen i 500 spd. Denne utsåden blir oppgitt: Bygg 2 tn, avling 8 tn, rug 1 skj, avling  $\frac{3}{4}$  tn, poteter 4 tn, avling 30—40 tn. Kan fø 1 hest, 4 kyr, 10 sauer. Vidare heiter det: Waaningshuset og stolpehuset i maadelig forfatning, derimod fjøset, løen og laaven alle i god stand. Ingen av bygningene er belagt med teglstenstag, men alle med hontag, og ingen bordklødning paa udhuserne og stolpeboden. Hestestalden og hesteløen er brøstfældig. Skogen: Gran og furre, mest gammel skov. Kan gi netto 20 spd aarlig.

*Bnr 3.*

I 1829 er det sk etter Kirsten Siversdtr. Lausøyra blir selt på auksjon for 18½ spd, jordegodset 2 ksk for 142 spd. Når gjelda er betalt er det att 6½ spd som går til skifte-kostnad. Det var Ole Valbeland som kjøpte bnr 3 på auksjon 1828. Han sel i 1844 til Terje Aasulsen, ein yngre bror til Salve, og dette bruket kjem då tilbake til ætta.

Det er som nemnt eit lite bruk. Terje gav 170 spd for egedomen. I 1875 før han 2 kyr og 4 sauer, sår 1 tn bygg og set 2 tn poteter. Terje døde i 1890.

I 1899 blei Landvikstykket (bnr 5) av skyld 5 øre fråskild og seld til Thomas Tellefsen, bnr 2.

Etter at Terje var død, gjekk egedomen over til enka Berte Hansdtr, og sidan til dottera Helene som i 1904 vigde med montør Halvor Halvorsen Løland. I 1955 selde Helene Løland egedomen til svigerson Kristen Solborg for 10 000 kr. Bnr 2 har skyld mk 0.92, har 4 dekar dyrka mark og 150 dekar produktiv skog.

*Bnr 1.*

Det var ikkje mykje slåtter til Øye. I 1867 blir det oppgitt at dei kan slå 6 lass på Salve Osulsens bruk og 5 lass på bnr 2, eigar Nils Thomassen. Det var vel grunnen til at dei i 1855 fekk seg tak i hvert sitt stykke på Risdalsheia inn mot Rislåknuten. Her var det mykje slåtter, tilsaman 22 lass i 1867. Salve fekk au i 1843 for 50 spd eit stykke skog som var fråskild til Stalleland, visstnok då Aase Nilsdtr kom tilbake til Øye. Sonen hennar i 1. ekteskap Terje Salvesen sat då på Stalleland som han hadde gifta seg til. Skogstykket skulle han då få som «odelspengar».<sup>5</sup> Salve døde alt i 1867, bare vel 52 år gl. Garden gjekk då over til enka Maren Olsdtr, som sat med garden til 1874, då sonen Osul Salvesen overtok.

Han selde i 1925 til sonen Salve Øye bnr 1 og gnr 55 bnr 2 Risdal for 40 000 kr.

Osul hadde i 1904 fått eit bruk i Hunsdal på odell og han og kona flytte nå dit. Men i dei vanskelige 30-åra greidde ikkje Salve å sitte med garden. Faren kjøpte att garden i 1931 for 30 000 kr. og selde då Hunsdal. Etter dei blei garden skøyt over til eldste sonedotter, Martha.

Salve Øye er eigar nå. Bnr 1 har 27 da dyrka mark og 1000 da produktiv skog. Det store sætehuset i 2 høgder blei bygd kring 1850, modernisert 1951. Uthusa er bygd 1885. Skyld mk 5.45.

*Bnr 2.*

Me såg at dette blei utskild frå hovedbruket i 1775, og at det i 1818 blei seld til Thomas Haaversen Steinsvand. Thomas døde i 1848 og garden gjekk då over til enka Karen Knudsdtr. I 1854 overtok sønene Nils og Kristian for 589 spd. Kristian, som gifte seg til Haaland selde sin halvpart til Nils i 1874 for 250 spd. Nils vigde i 1858 med Aasille Tellefsdtr Steinsvand. Mor hennar var dotter til Lars Salvesen Monen, som var soneson til Salve Aasulsen Øye d.y. f 1736. Og dei kan såleis på alle bruk føre ætteliner tilbake til dei gamle på Øye. Eldste son til Nils, Thomas, flytta til Steinsvand, ein yngre son Tellef fór til USA. Det blei då dottera Karen som fekk garden. Ho var gm Thomas Tellefsen Rislåa som fekk skj på egedomen i 1898, same året dei gifte seg, for 4800 kr. Karen Øye fekk som enke uskiftebevilling i 1920.

Bnr 2 har 12 da dyrka mark og 400 da produktiv skog. Sætehus i 1½ høgde bygd ca. 1800. Skyld mk 1.94.

*Øyna bnr 4.*

Frå bnr 2 blei i 1889 fråseld «Fladholmen» i Kilandsvatnet. Karl Høyberg fekk skj i 1895



for 160 kr. Ingeborg Høyberg selde i 1918 til Terje Kristensen Dale for 1250 kr. Han selde året etter til Anders Isachsen for 3900 kr. Isachsen bygde ein stor sumarvilla på Fladholmen som han i 1928 gav namnet Øyna. I 1929 selde han til B. Westergaard for 20 000 kr. I 1934 gjekk eigedomen over til Ellen Marie Westergaard for 5000 kr.

For Øye kan me sette opp denne rekke over

*Eigarar og brukarar gjennom 300 år.*

*Heile garden.*

Ca. 1640—1685 Stein Aanonsen  
 1685—1709 Nils Steinsen  
 1709—1743 Guro Øvensdtr gm Peder Paalsen  
 Haaland  
 1743—1775 Aase Nilsdtr gm Aasul Salvesen.

*1 bud bnr 1.*

1775—1785 Salve Aasulsen  
 1785—1796 Ingeborg Jensdtr, enke etter Salve, gm Anders Christensen  
 1796—1822 Aasul Salvesen  
 1822—1827 Gunhild Terjesdtr, enke etter Aasul, gm Christen Christensen  
 1827—1867 Salve Aasulsen  
 1867—1874 Maren Olsdtr, enke etter Salve  
 1874—1925 Aasul Salvesen  
 1925— Salve Aasulsen.

*Bnr 2 6 ksk (4 ksk frå 1813).*

1775—1813 Ole Aasulsen  
 1813—1818 Sivert Olsen  
 1818—1848 Thomas Haaversen  
 1848—1854 Karen Knutsdtr, enke etter Thomas  
 1854—1874 Nils og Christian Thomassøner  
 1874—1898 Nils Thomassen  
 1898—1920 Karen Tomine Nilsdtr og Tomas Tellefsen  
 1920— Karen Nilsdtr.

*Bnr 3.*

1818—1822 Syvert Olsen  
 1822—1828 Karen Siversdtr, enke etter Ole Aasulsen  
 1828—1844 Ole Olsen  
 1844—1890 Terje Osulsen  
 1890—1904 Berte Hansdtr, enke etter Terje  
 1904—1955 Helene Terjesdtr gm Halvor Løland  
 1955— Kristen Solborg.

*MERKNADER*

1. Aase vigde i 1724 med Salve Terjesen Helleland. Sjø Hørte-ætta. Ho blei enke og vigde oppatt med Aasul Salvesen som var frå Koveland i Hf. Dei kom sidan til Øye som Aase hadde odell til. Marte, eller Marite som dei skreiv, vigde i 1728 med Helleik Haagensen Stalleland, og Karen i 1733 med Anders Christoffersen Hardeberg. Sjø Hørte-ætta.
2. Sjø Haaland-ætta.
3. « Koveland-ætta.
4. « Væting-ætta.
5. Etter Nils Igland.

## SOLLI

Gnr 53

Solli var på 1600-talet plass under Risdal og hørde lenge til eigarane av denne garden. Høgt og fritt ligg garden med utsyn over skogklædde heier heilt ut til Søndle. Vegen til garden fører om Øye, men det er heller ikkje så langt over til Risdal.

Det var Dolholt-folk som åtte Risdal og Solli på 1600-talet og garden er trulig rudd i slutten av 1640-åra. Det er ikkje nemnt noen der under koppskatten i 1645, men i 1656—57: Formering: Soli under Risdall i leding 1 ksk 1 alb. Same året betalar Joenn Solli kvegskatt 3 ort 19 sk. Jon var husmann under Risdal. Han heitte Jon Aanonsen og var 55 år i 1664. I 1668 blir Solli skyldsett med skyld  $\frac{1}{2}$  hud. I odelskk. det året står Romund Lunden med 7, Torkel Lunden med 7 og Elling Dolholt med 7 ksk i Risdal og Solli. Det heiter i matr at garden kan fø 4 naut og 6 smaler og dei kan så 1 tn korn.

I 1674 åtte desse odelsgoods i Solli: Nils Dolholt 1 ksk, Torchel Lunden 2 og Aanon Grebstad 1 ksk. Dei var alle av Dolholt-ætta. Robmund Lunden hadde 2 ksk til brukelig pant.

Eit halvt hundre år seinare, kring 1727, kjem

Tellef Andersen til Solli. Han var frå Øygaard i Birkenes og gm Aase Gundersdtr, sonedotter til Torkel Lunden. Frå den tid kan me rekne at Solli blei sjølveigargods. I dei 50 år i tida før er det svært lite me veit om garden. Me veit såleis ikkje hvem som brukte garden etter Jon som er nemnt i 1664. Først i 1697 møter me eit nytt namn: Tergi Solli som har sonen Rasmus til dåpen. I 1701: Tergie Oelson. Staaende soldat. Gift. 29 år. Søner Ole 6, Rasmus 4 år. Der er au Svend Oelson, fød paa Søndelsøen i L. sogn, 13 år, og vel trulig ein bror av Terje. Han døde 1709. Dei hadde au borna Christen 1701 og Clemmed 1703. Terje åtte  $\frac{1}{2}$  ksk i garden i 1706.

Enka sat att på den einbølte garden med 4 ukonfirmerte born. Men ho dreiv garden i åra framover. I matr 1723 er ført opp Tergie Oelsons enke. Utsåd 1 tn 1 skj. Kan fø 1 hest, 2 naut og 6 geiter. Skov til ilding. 1 flomqvern til eged brug. Tungvindt.

Same året gifter sonen Rasmus seg med Gunhild Aanonsdtr Haaland. Dei får ein son Terje i 1724, men Gunhild døde i 1725 — bare 28 år gl, og Rasmus i 1727. Ved sk er vesle Terje hos bestemora, som me nå får vite

heitte Ragnhild Rasmusdtr. Buett etter Rasmus var på brutto 37½ rd, netto vel 26 rd. Ikkje jord. Som verge for Terje blir oppnemnd Christen Aanonsen Haaland «efterdi farbroderen til barnet er en soldat og haver intet fast at hæfte ved». Me veit ikkje hvem det var av brørne. Heller ikkje veit me hvor det blei av Ragnhild og vesle Terje.

Det er trulig på denne tida at Tellef Andersen flytter til Solli. I 1732 har Tellef Solli dottera Ane til dåpen. I 1751 vigjer Aase Tellejsdtr Solie med Salve Aanonsen Rislåa. Det er elles ikkje så mykje me får greie på desse folka heller. Tellef vitnar i ei sak på Risdal i 1737. Han var ein mann som sat godt i det og var likna for 60 rd i 1743. I 1736 døde Ane Jonsdtr Solie — 85 år gl. Ho må vel ha vore mor til Telleiv. Kona hans, Aase Gundersdtr, døde i 1752 — 58½ år gl. Ho var Friis-ætling, mora var Karen Pedersdtr Nærebo, mormora Femja Henriksdtr Friis.

I 1753 blir Tellef Andersen Solie stemna av Nils Madsen Nærebo og Gunder Jonsen Hesnæs med krav om at han skulle vike sæte til 4<sup>11/24</sup> ksk i Solli. Retten blei sett på Dolholt 30. april då det ikkje var framkomande til Solli «formedelst meenis», og Telleiv opplyste der at han hadde «tilforhandlet» seg 4<sup>5/72</sup> ksk i «plassen» og ved arv hadde kona etter foreldra sine fått 7<sup>7/18</sup> ksk. Partane blir samde om at Telleiv skal vike sæte og få som betaling 170 rd. Dessutan skal Peder Olsen Birkedal ha rett til å hogge så mykje han greier «inneværende år» av furu, gran og eik i eit nærare fastsett skogstykke.

I 1754 finn me Salve Olsen og Gunild Kildeldsdr på Solli. Han var av Grøslø-ætta på Haaland og har då trulig kjøpt Solli. I 1757 har han ein prosess med Nils Madsen og Gunder Jonsen. Saka galdt eit skogstykke under Risdal som dei ville ha fordi Salve ikkje hadde

levert 200 furebord. Dei fører saka vidare endå Salve seier han ikkje er eigar av dette skogstykket. Han fører au vitne på at borda er levert og blir frifunne for kravet. Nils og Gunder må betale sakskostnader til Salve og får dessutan bot for unødig trette.

Salve Olsen blir ikkje sittande lenge på Solli. I 1761 sel han 4<sup>11/24</sup> ksk til Knud Aanonsen for 250 rd. Knud vigjer i 1763 med Aase Guttormsdtr Sneløs og dei får borna Marte 64 og Guttorm 1770. Knud selde i 1783 til Eiven Nilsen Væting<sup>1</sup> for 399 rd (5 ksk). Han flytta til Metveit og sidan til Hundland og var mellom dei 6 frå Landvik som bleiv ved Hasla i 1791.

Væting-folket blei sittande på Solli i 100 år, til 1883 då Eiven Nilsen, soneson til den første Eiven, selde garden og fór til USA saman med einaste sonen sin. Garden gjekk då ut av ætta. Sidan har garden hatt mange eigarar og skogspekulanter har vore på ferde her som på så mange gardar i Øvre Landvik.

Eiven Nilsen Væting blei i 1781 gm Helje Taraldsdtr Kiland. Helje sat med garden noen år etter at Eiven var død i 1811. I 1815 får Nils Evensen Solie skj på 4 ksk for 600 rd. I 1820 gir Helje seg i follaug til Nils for dei 2 ksk ho sat att med i garden.

Nils var gm Ane Haaversdtr Steinsvand. Dei greidde seg nok ikkje så godt på Solli. Han låner på garden og kjem au i stor gjeld til kjøpmann Bendix Ebbel i Grømsstad. I forlikskom. 2. oktober 1829 må han såleis plikte seg til å betale for det han skylder, vel 129 spd: 3 uger fra dato at levere bord og planker paa Nødenæss for 50 spd og til førstkommende vinter at levere i Grøslø, trølast for 40 spd samt resten inden høsten 1830. I 1831 tar lensmannen utlegg i lausøyre for 40 spd som han er skyldig på follaugskontrakt med mor si, Helje Taraldsdtr. Same året blir han panta for skatt.

Og så gir han 2. pr. til kjøpmann Ebbel for 100 spd. Året etter blir han på ny panta for skatt og for 17 spd i sakskostnad i ei farskaps-sak han kom opp i. Han blir elles frikjend i denne saka. Året etter låner han 60 spd med pant i lausøyre og krettur, noe seinare på året får han lånet auka til 122 spd. I 1834 går så garden til auksjon og broren Tarald får tilslaget for 453 spd.<sup>2</sup>

Tarald hadde reist frå Solli til Fjære i 1824. Han døde på Solli 1867 — 85 år gl. I 1860 gav han og kona seg i follaug til ein Ole Gundersen og kona, som skulle ha garden og alt dei åtte mot å betale gjelda dei hadde, men dette gjekk om att året etter. Då gir Tarald og kona seg i follaug til brorsonen Even Nilsen som får overdratt garden. Eiven sat så på Solli til Ommund Aagesen kjøpte for 8000 kr.<sup>3</sup>

Ommund Aagesen var frå Holte i B. Han selde til C. B. Evensen i 1899 for 7500 kr. Året etter makeskifte Evensen med Edvard Torjusen Metveit mot bnr 5 i Metveit. Terje Matiassen Hunsdal kjøpte garden for 10 000 kr. i 1907. I 1915 skilde han frå Vestre Solli bnr 2 av skyld mk 2.00 som han selde til Terje T. Grøslø for 6000 kr. Bnr 1 av skyld mk 2.03 selde han til Ludvig Longum for 8000 kr. Longum gjorde gode pengar på denne handelen. Han selde året etter til Jesper Hallingby og I. Abrahamsen for 18 000 kr. Terje Grøslø selde au same året og fekk 10 000 kr. for bnr 2. I 1920 gjekk begge bruksnr over til Erik Mjaasund, Trålum for 40 000 kr., men nå var det slutt på spekulantperioden. I 1923 fekk Nils P. Igland auksjonsskj for 17 200 kr. Han hadde Solli til sonen Tor overtok i 1956 for 30 000 kr.

\*

Oppgaver frå eldre matriklar er tidligare nemnt. I 1867 (matr.kom) er oppført at Solli har 11½ mål dyrka mark, almindelig sandjord

tildels bakket, heieslåtte og skrapslåtte til 21 lass. Kan fø hest, 4 kyr og 12 sauer. Utsådd bygg 1½ tn, avl. 7 tn, poteter 3 tn, avl. 18 tn. Beite: Bekvem, almindelig god og tilstrækkelig. Skogen kan gje for 32 spd 60 sk netto til året. Garden blir karakterisert som tungbrukt. — I 1875 har Eiven: 1 hest, 4 kyr, 2 ungdyr, 5 sauer. Han sår 1½ tn bygg og set 2½ tn poteter.

Garden har nå (1956) 10 da dyrka mark og 900 da produktiv skog. (1723: Skov til ilding!) Sætehusa er bygd av tømmer i 1860 i 1½ høgd, modernisert 1947. Tor Igland tok til å drive garden i 1952.

For Solli kan me føre opp denne

#### *Brukar- og eigarrekkje gjennom 260 år.*

Ca. 1696—1709	Terje Olsen
1709—1723	Ragnhild Rasmusdtr
1723—1727	Rasmus Terjesen
1727—1753	Tellef Andersen
1753—1754	Nils Madsen Nærebø og Gunder Jonsen
1754—1761	Salve Olsen
1761—1783	Knud Aanonsen
1783—1811	Even Nilsen
1811—1815	Helje Taraldsdtr
1815—1834	Nils Evensen
1834—1861	Tarald Evensen
1861—1883	Even Nilsen
1883—1899	Omund Aagesen
1899—1900	C. B. Evensen
1900—1907	Edv. Torjusen Metveit
1907—1915	Terje Matiassen Hunsdal
1915—1916	Ludvig Longum
1916—1920	Jesper Hallingby m. fl.
1920—1923	Erik Mjaasund
1923—1956	Nils P. Igland
1956—	Tor Igland.

#### MERKNADER

1. Sjå Væting-ætta — Solli.
2. Nils Igland fortel at Tarald og Nils var tvillinger: Taral og Nils trøttest svært om Solli. Taral gikk av med seiren og Nils med familie blev kastet ut midt på vinteren. Kr. Stalleland fortel det slik: Nils —

tvinlingbroren — gifte seg omkring 1830 med Ane Haaversdtr Steinsvatn (dei var gifte i 1818, sjå Væting-ætta — Solli). Dei heldt seg nok ei tid i Solli. Dei ville ikkje flytja. So vart dei kasta ut midt på vinteren. Dei gjorde motstand og heldt seg i dørkarmen so lenge det var råd. Dei døydde på Vollen i 1853. Det var gjenge ut for dei. Dei livde på kassa.

6. Kr. Stalleland fortel det slik: Eivind tok Tarald og Ingeborg i follog og fekk Sollid. Han gifte seg i 1868 med Gusta Steine, ei systerdotter til Salve Hørte. Men ho døydde alt i 1873. Ein son Nils Eivindson. Ho vart berre 26 år gamal. Eivind Sollid var no 40 år gamal og sat med ein godt ut-

vaksen skog. Likevel fann han på nestetter (1876—78?) og selde Sollid til kjøpmann O. T. Tønnevold for billig pris og fór til Amerika med sonen sin. Tønnevold dreiv ut den største skogen og selde så garden til Ommund Aakeson og Gjerulv Haaland. Då Gjerulv straks etter fekk Haaland etter far sin, fekk Ommund heile Sollid. Ommund sat der til han kjende seg so gjeldbunden at han selde til Evensen i Arendal . . . .

Det finst ikkje noe i pantebøkene om at Tønnevold hadde Solli. Så det var vel helst ein uthogstkontrakt han hadde. Etter det Stalleland fortel blei skogen driven ut på vedtektsmålet før Nils P. Igland kjøpte på auksjon i 1922.

## TOLLEHOLMEN

Gnr 54

Tolleholmen som ligg på austsida av Steinsvatnet, var opphavlig plass under Risdal, men har nå eige gardsnr. Det var to mindre bruk her som blei overtatt av Terje Pedersen Risdal. Han kjøpte au til eit stykke frå Steinsvand i Birkenes. Det gamle skogbyttet mellom Steinsvand og Risdal gjekk like over der husa i Tolleholmen står nå.<sup>1</sup> Nils Igland hjalp Terje Tolleholmen med å få overført det han hadde kjøpt frå Steinsvatn, frå Birkenes til Landvik. Dette er bnr 3 i Tolleholmen som har skyld mk 1.48. Bnr 1 har skyld mk 0.99 og bnr 2 mk 0.68.

Terje som samla Tolleholmen til ein gard, var ein flink og strævsam kar. I 1875 hadde han hest, 5 kyr og 10 sauer, og sådde 1½ tn bygg og sette 3 tn poteter. Dei to bruk det er i 1867 kunne tilsaman fø 3 kyr, 1 kvie og 4 sauer, etter oppgave frå matr.kommisjonen.

Med i kjøpet frå Steinsvand fylgde elles plassen Bjørkelia.<sup>2</sup> I Tolleholmen var det tilsaman 11 mål dyrka jord i 1867, så det blei nok mykje å «slå på skauen» der når dei hadde så pass mykje krettur i 1875.

Første gong me finn namnet Tolleholmen i pantebøkene er i 1827, då «have ægtefolkene Osul Aanonsen og Maren Knudsdr indgivet sig i forsorg til sønnen Osuld Osuldsen hvor-

ved 1½ ksk jordeg. i d.g. Tolleholmen kaldet, overdrages til sistnævnte». Noen år før, i 1824, finn me i kb at Knud Osulsen Tolleholmen er død — 22 år gl. Ved hjelp av dette kan me under Risdal finne noe meir om brukarane i Tolleholmen. I 1776 finn me Osul Aanonsen Risdalseie som er gm Mari Michelsdr. Dei har altså budd i Tolleholmen som då var plass. Osul var trulig innflyttar.<sup>3</sup> Han kjøper 2<sup>13</sup>/<sub>16</sub> ksk i Risdal i 1783 for 199 rd. Det er trulig han som har dyrka opp det første av Tolleholmen i 1770-åra.

Under Risdal er i 1792 ført opp Aasuld Aanonsen og kona med 3 søner og 1 dotter. Han brukar 2¾ ksk og sår 1 tn bygg og set ½ tn poteter. I 1801 er sonen Aasuld og dottera Siri heime. Han er då 57 år. Kona hans heiter Maren Knudsdr og er 40 år. Det må vera hans 2. ekteskap, endå det ikkje står slik i ft. Året før hadde Osul seld 1½ ksk til Salve Aasulsen for 200 rd. Salve er elles i 1801 ført opp som inderst og dagleier, 28 år gl. Han var gm Gunhild Aslaksdr. Dei rydda og bygde nok i Tolleholmen.

I 1813 gjekk bruket over til Peder Markusen Risdal for 240 rd. Han selde i 1823 til Osmund Christensen «af Heigrefos sogn» for 170 spd. Osmund var son til Kristen Stove-

land, bror til Knud Stoveland.<sup>4</sup> Osmund var gm Anne Tellefsdtr (Stie?). Dei hadde borna Christen f 1824, d 1844. Kirsten f 27, gm Nicolai Christensen Austland. Berte døde på Tolleholmen 1862 — 40 år gl. Trine f 31, Karen Johanne, 34, Gunnil 38 g 66 med Karl Kristensen Bakken, Aase f 43. Osmund hadde vanskelig for å greie seg i Tolleholmen og selde i 1867 til Terje Pedersen Risdal for 350 spd (bnr 1).

Bnr 2 blei som nemnt i 1827 overtatt av Osul Osulsen. Han var gm Berte Osmundsdr som døde i 1835. Året etter vigde han med Kirsti Ommundsdr Heimdal. Dei gav seg i 1852 i follaug til svigersonen Hans Tellefsen Stie som i 1835 vigde med Christine Osulsdtr. Dei hadde borna Osul f 36 d.s.å. og Tellef f 38. Hans og kona flytte til Steinsvand i 1841 der Kristine døde. Hans gifte seg oppatt med Anne Margrethe Larsdtr Stisvold og dei kom tilbake til Tolleholmen. Dei fekk 5 born som alle døde små. I 1863 selde Hans sitt bruk i Tolleholmen til Terje Pedersen for 200 spd.

I 1895 går Tolleholmen over frå Terje Pedersen til dottera Maren Gurine for omlag

8900 kr. Maren vigde i 1896 med Terje Aanonsen Birkedal og dei overtok då Tolleholmen.<sup>5</sup> I 1912 selde så Terje til Gjermund G. Homdrom for 26 000 kr. Homdrom dreiv ut det meste av skogen og selde så i 1919 til tannlege G. Stray, som au kjøpte Gusdal av dei same eigarane. Stray selde Tolleholmen i 1949 til Albert Svendsen for 35 000 kr. To år etter selde han til ~~Olaf Thompson~~ *Olaf Thompson* for same kjøpesum.

Tolleholmen er halden for å ha bra skog, men i 1867 er det oppgitt at dei to bruka då bare kan selje for netto 4 spd 30 sk til året. Sidan er som nemnt eit større skogstykke kome til frå Steinsvand.

#### MERKNADER

1. Etter Arnt Stensvand.
2. Etter Arnt Stensvand.
3. Han var kanskje bror til Knud Aanonsen som ei tid hadde Solli og sidan noe i Risdal. Han er ein stad nemnt som Knud Aanonsen Tveden og var då trulig frå Tveiten i Hf.
4. Etter N. Igland.
5. Sjå Rodals-ætta av Terje Fillingtveit.

## RISDAL

Gnr 55

Frå Metveit går eit dalføre sørover. Ein gamal veg fører her framom garden *Risdal*, vidare om Tolleholmen og Røyneland til Fillingtveit. Litt sør for Risdal ligg Risdal Stemtjønn og vatnet renn herfrå nordover. Her flota dei tømmeret til Kilandsvatnet og vidare gjennom Bjørkoselva til Sundle. Eit rês lagar vasskilet med Steinsvatnet som har avlaup til Stikselva, og det er trulig dette som har gitt garden og dalen namn.

Risdal er ein gong i tida gått ut frå Metveit, når veit me ikkje, men det var trulig på 1500-talet. Det var Dolholt-folk som åtte både Metveit og Risdal på slutten av 1500-talet. Dolholt-folk kom til Metveit på 1600-talet og same ætta er på garden ennå. Dolholt-folk og -ættingar åtte au Risdal til langt fram på 1700-talet. Men garden blei etter hvert oppstykkka i mange partar og fekk skiftande eigarar. Solli, som var plass, blei tidlig utskild som eige bruk, og er nå eige gardsnr. På slutten av 1700-talet blei det utskild eit bruk i Tolleholmen som au er blitt eige gardsnr. Og det er seld frå skogstykke til Austland og Fillingtveit. Lille Risdal, der det før budde folk, er lagt til Metveit, likeins Nordandalen. Slåtter på Risdalsheia er kjøpt av Øye. I detalj å gjere greie for dei mange salg og skifte det har vore på Risdal

er mest ikkje gjerande. Me skal derfor berre ta med enkelte drag av eigar- og brukarsoga. Men først skal me sjå litt på dei gamle grensene, både mot Metveit og mot Steinsvatn som me får greie på i to rettssaker først på 1700-talet.

### *Ein bytetvist med Metveit.*

Den 28. juni 1728 blei det sett åstadsrett ved «Svartetien». Der møtte skrivarfullmektig Henric Christopher Schnore og 8 lagrettemenn . . . . Sammestæds indfandt sig Hovor Jensøn Meetved og fremlagde sit skriftlige stævnemaal av 4. juni 1728, hvormed ham tiltaler Riisdals gaards opsider og eiere om bytted mellem Riisdahl og Mætved, at bivaane en lovlig skovgangsforretning, at anhøre vidner og producere en dom, som om det paaankede markeskiel skal være falden og i deres værge, item et byttebrev og et gammelt skiftebrev om Mætved og Riisdahls adskillelse i fortiden, samme brever at fremlægge, eller at sværge at de ei ved hvor de ere, eller hvor de ere av blevne. Endelig at anhøre sagens procedens og forfølge gangen fra Svarte-Tien (Tjønn) til Glugsvaren . . . .

Åsittarane på Haaland, Øye, Valbeland, Gusdal og Flaa var au stemna. Dei skulle vise og vitne «hvor deres endestaver og markeskiæl



er». Peder Povelsson Øyede var stemna serskilt for å vitne om «hvad han haver hørt eller læst om stenene i Svarte-Lien. Av eigarane av Risdal møtte alle, undantatt Jon Nilsen Midstu, men elles var dei mange nok: Thomas Andersøn Riisdal (han var brukar der), Øven Tellefsen Øvre Lunden, Romund Prossøn Øvre Lunden, Søren Svendsøn Nedre Lunden, Gunder Aanonsøn, Jon Nilsøn og Lars Nilssøn Dolholt, Nils Pedersøn Jamvold, Mads Christensøn, Joen Tellefsøn, Tellef Andersson Nedre Nærebø og Svend Svendsøn Østerhus. Det heiter vidare: Riisdahl-folkene fremlagde et gammelt brødreskifte-brev av 2. octobris 1590. Item et opkast til skiftebrev mellem brødrene Aanon og Torkel Joenssønner Dolholt, uden dato og underskrift. Dei visste ikkje av fleire brev og dette gjorde dei eiden på.

Noe tidligare i referatet heiter det at «Hovor Mætved anviste da den steen han har stævnet fra, hvilken efter kompasvisning er i den S.O. ende av Svartetien og befindes en stor trikantet steen staaende i en bergskaare hvis skikkelse er saaledes: . . . Her fylgjer så ei beskriving av steinen. Haavor heldt denne steinen for rette endestav og skilstein mellom Metveit og Risdal «og begjærede gangen og strækningen forfulgt ad Glugs-wahren» . . . Aanon Terkelssøn *Rislov* gav tilkiende at denne stæd og steen var langt nordvest inden Rislovs strækninger, hvorfor han den ingenlunde vilde eller kunde vedtage, men Østermyrstenen holder han for landstøe i sin langstrækning . . . Samtlige Riisdals eiere erklærede at de aldri har af vidst af den tilstævnte steen før nu, saasom den ligger langt indom deres og Rislovmandens strækning, thi fik det være Hovor Mætved hjemstillet hvad bevisning han derom vidste at avstædkomme . . . Peder Paalsøn Øye veit heller ikkje noe om steinen, eller om bytet mellom dei to gardane. Etter dette og etter at «Risdalsfolkene» har vitna og gjort eiden på

at dei ikkje har fleire brev om bytet, skynar Haavor at han ikkje kjem noen veg. Det heiter: Hovor Mætved her efter sagde, at efterdi han mod sin tanke savner det formodede bevis om denne paastævnedede gange, fik han lade den fare og opstaa paa nærmere oplysning og belæg, men begjærede at Riisdahlfolkene da ville gaa den østre gange fra Østermyrstøenen til Øyeheien, hvilket de vægrede og til nyt stævnamaal forskød». Og hermed blei det. Haavor må betale for åstadsforretningen «efter reglementet under nams adfærd efter loven».

#### *Bytestrid mellom Risdal og Steinsvand.*

Joen Nielssøn Midstue og Christen Olsen Dolholt stemner i brev dagsett 9. september 1737 «gaarden Steensvatnes opsiddere navnlig Knud og Aslach Stenersønner samt deris sønner Steener Knudsøn og Ole Aslachsøn» til å møte i åstadssak ved «Flaarøsen som er endestav for Risdal, Steensvatne, Flaae og Rislaa» den 23. sept. same år. Som eigarar av Risdal ankar dei over at dei av Steinsvandsfolka «tid efter anden er mærkelig fornærmet baade udi skauhugst og engeslaater i skaugen som de til brug og raadighed sig tilegner og tiltager».

Retten blir sett på Risdal av Jacob Jersin Undall, cancelliraad og sorenskriver udi Nedenes Lehn, med 6 «grandskingsmend», mellom dei Herløv Olsen og Ommund Olsen Vinsland. Det blir ei lang sak. Steinsvandsfolka protesterer mot stemninga og sa at det var Birkenes kyrkje som åtte garden. Saksøkjarane meinte noe anna og bad om og fekk utsetting med saka til neste dag. Då legg dei fram ei skj frå 1734 der Stenor Knudsen på Steinsvand er overdratt 3 ksk. Det blir nå ei røre om dette, men enden blir at retten drar på synfaring til Flaarøysa . . . hvor paa contrapartens side møtte Aslach Steenersøn og Stener Knudsøn, som vedtog at samme røis er endestav i mellem Risdal, Stensvatne, Flaae og Rislaae, samme

stæd eller røis er paa et field, og med mange stener sammenlagt og med mose begroet, derpaa citanterne andviste og paastod strækning til Storheien udi S.O.T.S. og videre samme strækning til Krogsteinen. Dei gjev seg så i veg til Krogsteinen, men fylgjer ikkje beinlina då der er lite framkjømt . . . og kom vi saa til en stæd hvor derudi en sammenlagt stenhoug som med mose er begroet og 3de furrutrær derudi opvoxet, samt en opsat krogesten, som er skikket som en øxe, viser med krogen udi øster og vester.

Dagen var nå mest gått og dei vedtar å halde fram med vitneførsla på Risdal. Før rettssaka hadde saksøklarane hatt sendemenn til Steinsvand og spurt om dei ville godkjenne at bytet gjekk frå Flaarøysa over Krogsteinen til Krossvaren. Men det ville dei ikkje. Dei ville halde seg til «Kjenneheirøsen». Og det blir nå ført ei rekke vitne som alle held på at Krogsteinen frå gamalt har vore byte mellom Risdal og Steinsvand. Steinen står på austsida av Steinsvatnet. Saka blir elles utsett til neste dag, for «dagen var forløben og en rum tid av natten!» Partane vart tilsagde om å møte ved Krogsteinen «om Gud giver veirlig til retten paa aaben mark at holde». Det siste hadde dei nok sine tvil om, for «morgenen efter den 25de september indfaldt saa mørkt og vaadt veirlag, at retten ikke efter opsettelse paa skougen kunde holdis». Dei sende så bod til motparten om å møte på Risdal. Aslak Stenersøn og Steener Knudsen møtte og dei går med på forlik då dei ser at saka kan «komme udi vidløftigheder». Bytet skal gå der Risdalsfolka meiner det har gått frå gamalt. Og bryt noen av dei dette, så skal dei bøte 20 rd til dei fatige i Landvik. Dei på Steinsvand skal i 4 år ha rett til «høe-aufling paa de myrer som ligger i Risdaleie inden forbem. markstrekning, neml. fra Flaarøsen: Digeslaatte, Staarhei, Skrillekienmyren, Biormyr, Tangemyr, Vadmyr og Breili-

myr». Dette skal dei ikkje betale leige for. Sidan skal dei få slåttane for billig leige så lenge dei ikkje treng dei på Risdal. Steinsvandfolka skal betale 25 rd i sakskostnader. Forliket blir stadfest av retten. Men det får elles eit etterspel. På Sand ting på Tingsaker året etter krev Ole Aslaksen, som ikkje har vore tilstades, tingsvitne på den «tilstand» far hans, Aslak Stenersen, var i då han gjekk med på forliket. I eit seinare rettsmøte blir det vitna at Aslak ikkje hadde drukke større før forliket, men etterpå var han «beskienked og drukken».

#### *Garden på 16—1700-talet.*

Eldste brukaren me finn på Risdal er Kjetil. Han er nemnt som «Ødegaardsmand» i 1610. I 1616 må Kiddel Risdal betale vel 3 rd fordi han ikkje hadde betalt skatten i rett tid. Knud Risdal må 1615 bøte 24 sk for han ikkje betalte sin leidang i rett tid. Kjetil er nemnt fram til 1620. Frå 1623—37 er nemnt Osmund Risdal. Garden er ført opp som halvgard i 1635. I 1624 eig Todne Torkelsdtr Dolholt til odel i R 1 hud. I 1645 er på Risdal Christen og hans qvinde som betalar ½ ort i koppskatt. Han heitte Christen Andersen og var f kring 1608. Me veit ikkje større om han, men han åtte i 1654 10 ksk i Haaland saman med Kidel Igland. Ætt etter Christen sat på Risdal i 3 generasjonar. Dei fekk kjøpe noe av garden, men sonesonsonen Tommes eller Thomas Andersen sel i 1778 det han hadde i Risdal då, 5% ksk og ætta kjem då bort frå garden.<sup>1</sup>

Christen Andersen, som var 56 år i 1664, var brukar i 1668. Risdal då sett opp i skyld til 1¼ hud. Anders Christensen brukte garden i 1701. Han var då 61 år og hadde heime sonen Thomas, 24 år. Anders døde i 1713 — 75 år gl. Det stod ikkje så rart til med buet hans. Bruttoeiga var 47 rd, men gjelda 160! Og alt gjekk då til kreditorane, m. a. kretturet.

Dei hadde hest, 3 kyr, 1 kvige og ein tjør, vidare 4 geiter og 1 bokk, 2 sauer og 2 lam, 2 verar.

Einaste son var Thomas Andersen, som var soldat og ute i teneste i 1713. Han kjem heim og overtar garden. Han er ført opp som brukar i 1723 då det heitar om Risdal: Passabel skov af besværlig drift. 1 flomqvern til gaards behov. Tungvindt. Det er oppgitt at dei kan så 3 tn 4 skj og fø hest, 7 naut, 4 sauer og 4 geiter. I 1732 blir Tommes Andersen dømt til å betale omlag 70 rd som han skylder rådmann Anders Mortensen i Kristiansand. Tommes hadde bede om å sleppe med å betale 10 dalar til året, men det gjekk ikkje. Han må au ut med 2 dl i sakskostnad. Thomas Andersen døde i 1735 — 60 år gl. Det er sk same året. Han hadde fått tak i 2½ ksk jordegods i Risdal, trulig det som Arnt Hansen på Landvig overtok etter far sin i 1720, nå verdsett for 23 rd. Thomas har då aktiva for tilsaman 58 rd, men han hadde endå større gjeld enn faren, heile 185 rd. Buskapen på garden var nå 2 hestar, 2 kyr, 2 kvier, 1 stut, 5 sauer, 1 ver og 6 geiter.

Eldste sonen, Anders, var 16 år då faren døde. I 1740 kjøper han 2⅓ ksk i garden av Christen Olsen Dolholt for ca. 29 rd. Året før hadde han kjøpt 2⅓ ksk for 25 rd. Men han måtte nok au låne pengar til kjøpet. I skattemista for 1743 heiter det: Anders Tommesen eier intet efter præstens mt. Etter hvert må han likevel ha kome seg opp, for ved sk i 1751 var bruttoeiga 160 rd, herav for ca 4½ ksk i Risdal 62 rd. Netto ca. 44 rd. Anders åtte m. a. ⅓ i Metveit sag, parten verdsett for 8 rd. Fire tylfter last som låg ved saga vart sett i 5 rd. Anders har nok au dyrka opp garden og dreve godt, for han hadde 6 kyr, 6 geiter, 7 sauer og noen kje og lam. Han var gm Magnhild Pedersdtr Øye. Dei hadde tri jenter og ein son, Tommes, som bare var 4 år då

faren døde. Magnhild Pedersdtr vigde i 1752 oppatt med Thomas Christensen Hardebergdalen. Dei fekk ein son Anders året etter. Dei sit nok på Risdal i alle fall til 1762. Då vigjer Guro Andersdtr, den nesteldste av jentene til Anders og Magnhild, med Hans Torbjørnsen Gusdal og dei overtar garden. Hans får kjøp på 5⅝ ksk i 1763 for 125 rd.

Det er på denne tid det blir fråselde stykke av Risdal til Fillingtveit og Austland. Christoffer Aanensen Midstu sel 2<sup>1</sup>/<sub>10</sub> ksk til Torjus Torjussen Fillingtveit i 1757 for 70 rd. Året etter sel han 1¾ ksk til Svend Ommundsen Østerland for 134 rd. Knud Aanonsen Tveden — han sat då på Solli — fekk i 1761 kjøp på «2de skovstykke kaldet Glusvaren og Dybedal» for 50 rd. Veit ikkje sikkert om dei sidan har høyrte til Solli.

I 1767 freister parteigarane i Risdal å ta garden frå Hans, men dei vinn ikkje fram med dette. Han får framleis bruke heile garden «imod aarlig landskylds svarelse til sine medinteressenter enhver for sin part».

I 1770 legg Thomas Andersen odelssak mot svogeren Hans Thorbjørnsen. Hans hadde kjøpt av Thomas Christensen, stefar til Anders, og det var meininga at Anders skulle få garden når han var vaksen. Thomas og Magnhild bur nå på Høiemoen i Tveit. Hans vinn saka då godset ikkje er odla. Thomas må ut med 28 dl i sakskostnad. Men han må nok ha fått garden likevel, for i 1778 sel han dei 5⅝ ksk til Svend Ommundsen Østerland for 320 rd. Og det er då ute med den gamle ætta på garden.

I åra framover er det mange eigarskifte. Knud Aanonsen Solli kjøper noe og sel så til Christoffer Christensen 4½ ksk i 1782 for 200 rd. Elles byter dei noen skogstykke. Christoffer sel til Christen Sørensen i 1787 for 199 rd. Christen kom nok til Risdal etter at han laut gå frå sitt bruk i Kiland. I 1792 bur han på Risdal og brukar 6½ ksk. Christoffer

Christensen brukar  $5\frac{3}{4}$  ksk. Den samla utsåd er 4 tn bygg og  $\frac{1}{4}$  tn poteter.

Tolleholmen blei fråseld til Aasul Aanonsen i 1783 for 119 rd. Anders Haaversen Mætved hadde kjøpt dette jordegods  $2\frac{13}{16}$  ksk av Svend Ommundsen Østerland to år før for 160 rd. Tolleholmen var då plass under Risdal.

Det var sk etter Christen Sørensen i 1797. Han hadde sønene Christoffer og Anders som då var på Risdal, og Søren som var på Nevedalseie. Søren hadde kjøpt 3 ksk i R i 1794 for 190 rd. Han selde to år etter til Christoffer. Faren hadde som nemnt overtatt  $4\frac{1}{2}$  ksk i 1787. Dei  $4\frac{1}{2}$  ksk «med paastaaende gamle hus» blir ved sk sett i  $112\frac{1}{2}$  rd. Og noe meir eig ikkje Christen. Det var gjeld nå som me har set tidligare, men ikkje bare det: Paa tilspørsel sagde stærvboenken at boet ikke eiet det mindste av løsøre effecter, men det lidet som hun og avdøde mand har været eiende, har hun maatte nødes til tid efter anden at bortselge, for at faa noget til livets nødvendige ophold, saavel til sig selv som og hendes nu avdøde mand, der har været syg og sengeliggende et aar.

Det er Marte Andersdtr som seier dette. Ho var av den gamle ætta på Kiland. Søren var frå Store Heimdal i Vegusdal. Dei har ikkje greidd å betale renter på eit lån på 300 rd som Søren fekk av justisråd Smith på Frolands Verk. Her er det nå gått på 92 rd i rente. Heilt frå 1787 er han og skyldig «for bekommet 4 tn kongl. sædekorn 12 rd 3 ort». På dette er det rente 4-2-11. Den samla gjeld er 411 rd. Garden blir seld på auksjon same året for vel 351 rd. Det var Smith som slo til seg garden. Terje Aasulsen Haaland kjøper så i 1806 for 600 rd, men sel like etter til Jens Salvesen Øye for same sumen. Det må vere på dette bruket Aanon Pedersen sat som leigending i 1801. Christoffer Christensen sat der au. Han var då 41 år og hadde med 2. kona si Karen Taralds-

dtr Kiland borna Kirstine, Christen og Tarald. Det er trulig at dei budde på «Lille Risdal», som nå er nedlagt.

#### *Garden etter 1800.*

Jens Salvesen Øye kjøpte som nemnt  $4\frac{1}{2}$  ksk i 1806 for 600 rd. Året etter kjøper han 4 ksk av Torborg Ellefsdtr for 900 rd. Jens dør same året. Garden blir selt på auksjon året etter for 1250 rd. Den samla inntekt av buet kom då opp i 1405 rd, men gjelda var 1784 rd. Buskapen er bare 2 kyr, 2 geiter og 2 kje. Mellom eignlutene er  $\frac{1}{8}$  i Metveit saug 50 rd,  $15\frac{1}{2}$  t sagtømmer i Kilandsvatnet a  $1\frac{1}{8}$  rd, 8 t hustømmer i Risdalsvatnet 8 rd, 5 t sagtømmer i Bjørkoselva 8 rd. Omtrent  $1\frac{1}{2}$  hundra bord 2 tom 10 a 12 fot 12 rd,  $15\frac{1}{2}$  t honer til «kullebrug» 10 rd. Det var Terje Aasulsen Haaland som kjøpte garden på auksjon. Me ser at han same året sel  $8\frac{1}{2}$  ksk til Markus Pedersen med  $\frac{1}{8}$  i Metveit sag for 1300 rd. Markus pantset garden med 2. pr. til Froland Verk for 400 rd og gjer same dag kontrakt om levering av 50 lester kol til året for 5 ort for lesta. I 1818 ser me at han er komen i stor gjeld til Salve Kallevig & Søn og må plikte seg til å betale 185 spd innen nærare fastsett frist. Markus døde i 1822 — 68 år gl. Peder Markussen, som var sonen hans, vigde i 1809 med Gunnil Aslaksdtr, enke etter Salve Aasulsen Tolleholmen. Peder døde i 1824 — 44 år gl.

I 1823 sel Gunnil Danielsdtr, enka etter Markus Pedersen,  $4\frac{1}{2}$  ksk til Peder Guttormsen for 450 spd. Same året sel Peder Markussen  $1\frac{1}{2}$  ksk som han hadde fått i Tolleholmen med kona si til Osmund Christensen. Peder Guttormsen var frå Rosaasen i Hf. og av Iglands-ætta. Han var gm Mari Terjesdtr Haaland, enke etter Aslak Aadnesen Senningtveit, og dei budde ei tid på Enge i Eide før dei kom til Risdal der Peder døde i 1859 —

68 år gl. Osul, som fekk Risdal, var f der 1827. Terje som samla Tolleholmen til ein gard, var f 1836.

Aanon Knudsen Risdal, 37 år, vigde i 1835 med Marthe Aanonsdtr Øyna. Dei budde på Lille Risdal, men flytta til Fjære i 1857 og bygde der eit nytt «Risdal», like der vegen tek av til Landvik frå hovedvegen.<sup>2</sup>

I 1855 prøver dei å greie opp med dei mange gardpartane det etter hvert var blitt i Risdal. Det er då delings- og skylddelingsforretning. I matr 1838 er ført opp lnr 132, 133, 134. Her er brukarane av Tolleholmen ført opp med lnr 134 og skyld  $2\frac{3}{4}$  ksk, resten er så fordelt på dei andre eigarane. Ved utskiftinga og skylddelinga i 1855 syner det seg at dei ikkje kan greie opp med dette. Det einaste dei er sikre på er at Ole Olsen Fillingtveit har 2 ksk og lnr 133 a. Det andre må dei så dele etter nytt skyld og så rekne ut hvor mange ksk dette utgjør for å få det til å samstave med samla gamalt skyld 15 ksk. Og alle, unnatt Ola Fillingtveit, får partar av alle dei gamle lnr. Resultatet blir då dette:

	DI-ort-skil.	Kalvsk.
Peder Guttormsen	1-0-21	4 $\frac{4}{17}$
Osuld Pedersen	3-12	2 $\frac{9}{17}$
Torjus Olsen Metved	2-13	1 $\frac{15}{17}$
Salve Osulsen Øyde	-10	$\frac{5}{17}$
Nils Thomassen Øyde	-10	$\frac{5}{17}$
Tellef Kristensen Østerland	1-0	$\frac{12}{17}$
Kristen Nilsen Østerland	-9	$\frac{4}{7}$
Osmund Kristensen Tolleholmen	2-2	1 $\frac{9}{17}$
Hans Tellefsen Tolleholmen	1-8	$\frac{16}{17}$
Tarald Evensen Solie	-12	$\frac{6}{17}$
Ole Olsen Fillingtveit	2-19	2
	4-0-20	15

Peder Guttormsen gir seg i 1859 i follaug til sonen Osul, som får garden og alt han eig mot å betale gjelda. Peder døde same året. Osul var gm Elen Olsdtr Metyeit som døde

i 1858 — 40 år gl. Ved sk etter henne i 1860 blei Osul utlagd garden for 1000 spd. Han slo saman dei to bruk, som fekk skyld mk 4.95 i den nye matrikkelen. Osul blei 2. gm Gjertrud Gundersdtr Gusdal (Granemyr). Dei fekk 2 gutar og 5 jenter, men bare gutane vaks opp. Osul døde i 1895 og det var då gått ut for han. Torgrim Larsen frå Åmli kjøpte garden for 12 500 kr. Peder Elias Osulsen kom heim frå USA og tok garden att for 16 000 kr. Han selde så til broren Gunder Mathias i 1906 for same sumen. I 1911 selde så Gunder til Halvor Andersen Beisland for 28 200 kr. og garden gjekk då ut av ætta.

Året etter han hadde kjøpt, skilde Halvor ut Langemyrstykket bnr 7 av skyld 48 øre. Dette selde han i 1933 til Martinius Beisland for 2000 kr. I 1938 selde Martinius dette til Nils P. Igland for 4000 kr. Hovedbruket bnr 1 har då att skyld mk 4.47. Til hovedbruket høyrer og bnr 4 Sollidstykket eller Langemyrstykket av skyld mk 0.23.

Bnr 2, eigar Salve Øye, har skyld mk 0.20, og bnr 3, eigar Karen Øye har skyld mk 0.23.

Halvor Beisland selde i 1954 til sonen Anders Risdal for 45 500 kr. Garden har nå 25 dekar dyrka mark og omlag 2000 dekar produktiv skog. Sætehusa som er på 100 kvm i 1½ høgd blei bygd kring 1880 av morfar til Anders Risdal, Andreas Gassesen Heldaas frå Vigmostad, som kjøpte Bakken då han gifte seg i 1885.

#### *Bakken bnr 5—6.*

Bakken var opphavlig plass under Austland, men blei skild ut frå Austland i 1879 og i den nye matrikkelen lagd under Risdal. Det fekk skyld 7 sk, nå bnr 5 av skyld 10 øre. Nikolai Kristensen Austland fekk skj i 1880 for 200 kr. Han selde i 1885 til Andreas Gassesen Heldaas for 2000 kr. Nikolai kjøpte og eit stykke av Even Nilsen Solli i 1879 for 180 kr.,

skyld 5 sk. Dette har nå bnr 6 av skyld 8 øre.

Ole Olsen Fillingtveit kjøpte Bakken på auksjon i 1902 for 500 kr. Han selde året etter til Tellef Johnsen for 900 kr. Tellef selde så i 1937 til John Daland for 1500 kr. John Daland har kjøpt til eit par skogstykke frå Gusdal så Bakken nå har 350 dekar skog. Det er 10 dekar dyrka mark. Sætehusa er bygd i 1850, modernisert 1948.

#### PLASSAR

Solli var som nemnt ein gong i tida plass under Risdal, likeins Tolleholmen. Lille-Risdal var visstnok ikkje plass, men eige bruk. Det er nå kome under Metveit og det er lenge sidan det budde folk der.

#### *Skaudelia.*

I 1771 er det på Lillesand sk etter John Baardsen Risdal. Han fraus i hel på veg heim frå Grimstad ein februar dag det året. Kona hans heitte Torborg Olsdtr og ho møtte ikkje

«formedelst svagheit». Dei budde trulig i Skaudelia, som var ein plass på vestsida av Steinsvatnet. Husa på plassen var: 1 firflatt stue med loft over og skorsten, nævertag paa samt 2de fag vinduer. Takseret for 12 rd. Dei hadde 2 kyr, 4 geiter og 4 sauer. Dei veit ikkje hvem arvingane er, så John var nok ein innflyttar. Dei hadde tenestjente på plassen, for mellom gjeldspostane er m. a. løn til tenestjente i 2 år 10 rd.

I 1778 bur Ole Tønnesen her. Han var gm Joran Nilsdtr. Dei hadde dottera Ane i 1778 og Povel 1783. Joran døde i 1787 — 40 år gl. Ola fl. sidan til Lille Hardeberg. Det er ikkje folk i Skaudelia 1801, men i 1811 vigjer Povel Olsen Skoudelien med Siri Hansdtr Midstue. Me høyrer ikkje meir til dei i Skaudelia, så plassen er nok då nedlagd. Ein annan son til Ole, Tønnes, kom til Kiland.

#### MERKNADER

1. Sjå Risdals-ætta.
2. Etter Kr. Stalleland.

---

---

## METVEIT

Gnr 56

Metveit — eller Mætveit, den møte tveiten — ligg ved vestenden av Kilandsvatnet. Ein gong i tida høyrde au Risdal til denne garden.<sup>1</sup> Så det var nok noe til møt rudning denne garden som Dolholtfolk åtte på 1500-talet.

Torkel Jonsen Dolholt åtte til odel 1 hud i Metveit i 1624. Son hans, Tore Torkelsen, flytta til Metveit først i 1660-åra. Tore er på Dolholt og eig Metveit 1½ hud i 1661, men han er flytt til i 1664 og er då 52 år gl. Ætt etter han, son etter far, har sete på Metveit sidan den tid, altså nå i nærare 300 år.<sup>2</sup>

Før Tore kom til garden, hadde det vore leiglendingar der og to brukarar, i alle fall frå 1640-åra, men Tore hadde garden aleine, og garden var nok blitt godt oppdyrka for skyldet blei i 1668 sett opp frå 1½ til 2½ hud:

Den første brukaren me finn nemnt på garden er Jens Meethuedt i åra 1611—26. I åra 1628—31 er det ein Jacob der. Frå 1632 Christen. I 1645: Christen og hans quinde, en pige Karen. Elling og toe piger Ingeri og Ingeborig. Jacob og hans quinde. I åra 1647—57 «biuger» Thorkel Dalholt garden 1½ hud til Christen og Elling Metueed. I 1657 (kvegskatten) finn me Oluffue som betalar 2 dl 2 ort 7 sk i skatt, og Elling 3 ort 9 sk. Omund Christensen betalar 1 dl i drengeskatt

i 1658. Landkom. 1661: Thore Dalholt eyer det. Besiddes av Olluf Leuffssen og Elling Jensen. Tou beche querner og skoug til smaa bielcher og husbehoff. Elling Jensen er der i 1664 og er då 36 år. Han er ikkje nemnt i 1666. Det er heller ingen husmenn, men Christen Ellingsen 10 år og Samuel 4 år er då oppført som husmannssøner. Elling har vel då vore ein slag plassmann på Metveit. Det er sk etter Tore Torkelsen i 1674. Arvingane hans åtte då 2½ hud i Metveit, 3 gsk i Jaavoll, 1 gsk i Tangerholt og 5 ksk i Lauvrak. Dette var gamalt Dolholtgods.

Tore Dolholt på Metveit var gm Allaug Knudsdr Hauge, dotter av Knud Jensen Hauge f ca. 1590 d 1677. Han var son til Jens Bentsen på Foss d ca. 1645, og lensmann i Birkenes. Bror til Allaug, Ole Knudsen Aabel, var lensmann i Birkenes etter far sin. Nesteldste son til Tore heitte Jens og han er då oppkalla etter Jens Bentsen på Foss. Jens fekk Metveit, og arva au 10 ksk odelsgods i Øvre Grefstad i Fjære etter mor si. Jens hadde ein eldre bror, Haaver, men han var død før 1674. Allaug døde på Metveit 1706 — 82 år gl.

Jens brukte heile Metveit. Han døde 1714 — 68 år gl, og åtte då halve garden og som nemnt 10 ksk i Grefstad. Dit kom eldste

sonen Børge. Haavor, den nesteldste, overtok Metveit. Mor hans var Gjertru Berulvsdtr Kiland, av den gamle Torp-ætta.

Haavor Jensen var nok ein drivande og tiltaksam kar. I 1717 ser me at han saman med Jon Paalsen på Haaland søkjer om å bygge ei sag for skur av 1000 bord årlig. Saga har dei alt tømra opp og søkjer nå om løyve til å sette ho i drift. Presten Fridrich Munch hadde fått tak i 4 ksk i garden. Dei løyser Haavor inn i 1719 for 32 rd. Han brukar heile garden og i 1723 heiter det at han kan så 5 tn 3 skjepper og fø 2 hestar, 10 naut, 10 sauer og 10 geiter. Han er om seg og passer på sitt. I 1727 stemner han Jakob og Peder Torjussen Birkedal og Thomas Andersen Risdal «under eed at forklare om de ikke avved hvor hans gaardebrev maatte være». Men ingen av dei har set eller kjenner til breva. Thomas seier at han bare er leiglending og har ingen brev. Brev skulle han nok ha til ei rettssak om bytet med Risdal. Han legg sak mot Risdalsfolka året etter, men kjem ingen veg med denne saka, då ingen lenger har dei gamle brev «om Risdals adskillelse fra Metveed i fortiden».<sup>3</sup>

Haavor er i 1743 likna for ei eige på 100 rd (lausøyre). I 1749 blir han stemna av Risdalsfolka for ulovlig hogst. Saka blei vist til åstaden, men noe meir om dette har eg ikkje funne. Haavor døde i 1763 — 78 år gl. I 1759 finn me dette i panteboka: 1759 14/5 er imellem Haavor Jensen Mætved indgaaet saadan accord og fledføring, at hans 2de yngste sønner Ole og Anders Haavorssønner efter hans død, skal beholde hans i d.g. eiende 1 hud 10 ksk imod at de derfor til ældste broderen Jens Haavorsen har betalt 100 rd, samt at de allene skal bekoste forældrenes jordefærd, betale all deres gjæld, samt fornøye svogeren Nils Rolfsen for hans hustrus arvelod m. v.

Grunnen til dette var nok at Jens var flytta

til Grefstad. Han vigde i 1752 med Oslaug Olsdtr Øvre Østerhus, og han er same året nemnt Jens Haavorsen Grebstad. I 1761 er han komen tilbake til Metveit og er då gm Maren Torjusdtr. Samtidig kjem Ole Haaversen til Grefstad. Han er der ved sk etter Haavor i 1762 og i 1782. I 1760 hadde Anders Haaversen fått 7½ ksk i Metveit for 180 dl og 3 ksk i Jaavoll. Han selde så i 1763 til Jens 9<sup>3</sup>/<sub>7</sub> ksk for ca. 157 rd. Mor deira, Magnhild Jørgensdtr som var frå Natveit i B døde i 1763. Ved skiftet hadde Haavor 1 hud 4½ ksk i Metveit og 1 hud 1½ ksk i Grefstad. Han åtte jordegodset og hadde dessutan 23 rd netto. Haavor, som nå var ein mann på 77 år, gav seg i follaug til sonen Jens. For dette fekk Jens forlota 6 ksk i garden.

Jens sat nå med hovedbruket i Metveit, men broren Anders er der au. Han var gm Ingeborg Thorsdtr Morholt. Anders fekk nok 6 ksk i Metveit ved sk etter faren og han bygde då trulig på det øvre bruket. Ingeborg døde i 1779. Anders, som sat att barnlaus, sel så dei 6 ksk i 1783 til Knud Aanonsen Solli for 400 rd. Torjus Jensen kjøpte dette i 1787, også for 400 rd. Knud flytta då til Hundland. Torjus var gm dotter hans. Torjus hadde i 1783, same året som han gifte seg, kjøpt 1 hud av faren for 400 rd. Dette var då trulig utan hus. Jens Haavorsen døde i 1785 og hadde då 1 hud i Metveit, og hadde såleis tidligare sete med 2 huder. Etter kjøpet i 1787 hadde Torjus au to huder i garden. Mora, Maren Torjusdtr, sat att med ½ hud.

#### *Ei tragisk byreis.*

Ein dag i mai 1791 bleiv det 8 menneske frå Landvik på heimtur frå Arendal. Fem av desse var frå Metveit og plassane der: Torjus Jensen Metveit, broren Børge, Kristen Andersen på Metveit-plassen og Anders Nilsen Vollen. Dessutan Kristen Povelsen som tente på Metveit.



Svigerfar til Torjus, Knud Aanonsen Hundland var au med og bleiv, dessutan to kvinner, Gunborg Hansdtr Holte og Guro Guttormsdtr Holte.

Minne om denne ulykka har sikkert halde seg lenge i bygda. På oppteikningar etter N. Igland om ulykka og på tradisjonen om det som hende er det nok Kr. Stalleland bygger når han fortel: Fyrst med ein mann som heitte Torjus Jensen Metveit fær me tak i ættargreini som enno sit der. Torjus var gm Marte Knudsdtr Sollid. Torjus og Marte hadde 2 søner: Børre og Olav, som sidan fekk Mætveit. Børre var visst eldst og skulle gifta seg med ei gjente, kva ho no heitte. Ho heitte vel helst Gunborg Hansdtr Holte 28 aar eller Guro Guttormsdtr Holte 40 aar. Og so skulle Børre og kona bu paa Vollen. Den 24de mai 1791 skulde dei av til Arendal og kaupa til brudlaupet. Dei var mange i fylgje: Torjus Jensen Metveit, Børre Jensen Metveit 30 aar. (Det ser heller ut som Børre kunne vera bror til Torjus. Visst er det: det var han som skulle ha brudlaup.) Desse var med (her kjem namna som me før har nemnt). Dei var 8 i fylgje. So fekk dei ein ferjemann til aa ro seg fraa Grømstad til Arendal. Men so vart det so fælt eit ver. «De kjem aldri fram til Arendal i slikt eit ver,» sa folk til deim. «Me skal fram, um so den vonde skal føra oss!» var det ein som sa. Dei laut hava i hovudet. Visst ikkje lite heller. Brudi skulde verta, vilde ikkje med. Daa tok dei henne og kasta henne i baaten. Men dei rokk ikkje langt. Utanfyre eller ikkje langt fraa Hesnes ein stad bleiv dei alle saman. Liki rak i land. Dei fann deim alle saman, so nær som ferjemannen.

Det er nok fleire reint faktiske misstak her. Torjus og Børre var brør. Børre var ikkje 30 år då han kom bort. Han var f 1771 og såleis 20 år gl. Gunbør Hansdtr Holte var f 1766 og såleis 25 år. Guro Guttormsdtr var mor hennar! Ho var frå Snøløs og g 1762 med Hans Christensen Holte. Alderen i kb er såleis i hytt og ver.

Det kan vel vere at Børre og Gunborg skulle gifte seg, men det var ikkje lyst for dei. Ulykka hende elles på heimreis frå Arendal. I skifteprotokollen heiter det om Torjus Jensen: Som ved en ulykkelig hændelse blev borte paa Strømmen ved Hasla paa sin hiemreise fra

Arendal. Der heiter det au at ulykka var 23. mai. At Børre skulle bu på Vollen er au lite trulig. For der budde Anders Nilsen, bror til Jon Nilsen på Haaland. Dei kunne nok ikkje kaste han ut der.<sup>4</sup>

#### *Metveit kring 1800 og framover.*

I 1792 er det bare enker som er brukarar på Metveit. På Øvre Metveit sit Maren Torjusdtr, enka etter Jens Haaversen. Der er au svigersonen Ole Gundersen frå Hardeberg som var gm Oslaug Jensdtr. Dei brukar 6 ksk og sår årlig 1½ tn bygg. Marte Knudsdtr, enka etter Torjus, sit med hovedbruket 2 huder — og 4 små born. Den eldste, Ole, var 6 år då faren komt bort. Marte hadde to tenestgutar og 1 jente. Dei sådde då 7 tn bygg (avling 24) og ⅛ tn poteter, avl. 1 tn. På Metveit-plassen sat Christen Andersens enke med 2 søner. Der sådde dei 1 tn bygg.

Etter det N. Igland fortel var det plass der Ole Metveit seinare budde, garden som Gulaug Metveit har nå. Så det var nok her dei budde.

Marte Knudsdtr sat ikkje lenge enke. Alt i 1792 vigde ho med Lars Gjølsten Lund. Dei fekk borna Torjus, Gjøl (d 2 år gl), Asbor, Gunbor og Knud. Lars tar Anders Haavorsen i follaug i 1795, men han dør året etter. Maren Torjusdtr gir seg i 1792 i follaug til Ole Gundersen, som får dei 6 ksk i garden.

Ole Torjusen vigde i 1806 med Ellen Kiddeldtr Væting. (Same dag vigde Aase, søster til Torjus, med Nils Kiddelsen Væting.) Med henne hadde han sønene Torjus som kom til Metveit, Kiddel som kom til Eskedal og Tomas som fekk det øvre bruk på Metveit. Ellen døde i 1816, og i 1818 vigde Ole oppatt med Birthe Rasmusdtr Hunsdal. Dei fekk 6 jenter som alle blei gifte. Ole døde i 1845 — 67 år gl. Han overtok garden før han gifte seg. Ved sk etter første kona åtte han 1 hud 10½ ksk. I

1810 selde han frå Gryte, 6 ksk, til Ellef Thorsen Grøsele for 800 rd. (Lnr 136.)

Det øvre bruket som Ole Gundersen sat med kjøpte Ole Torjusen i 1807 for 840 rd. I 1803 — han var då bare 17 år — kjøpte han att hovedbruket av stefar sin for 899 rd. I matr 1838 er oppført desse eigarane på Metveit: Ole Torjusen og Torjus Olsen 1 hud 10½ ksk (lnr 135), Terje og Jens Haaland 6 ksk (lnr 136) og Jens Aadnesen 1½ ksk (lnr 137). Det siste er Vollen. Når Vollen blei utskild, har eg ikkje funne. Anders Nilsen som kom bort i 1791, åtte ikkje Vollen, men Torjus Aslaksen som gifte seg med enka etter Anders, må ha fått kjøp på bruket for han sel i 1810.

Når Torjus Olsen står oppført som medeigar i 1838, er nok ikkje det heilt rett. Først i 1841 kjøper han 4½ ksk av faren for 500 spd. Han hadde gifta seg i 1837 med Kistine Aresdtr Kiland og dei hadde vel då det øvre bruket. Faren, Ole Torjusen, hadde 18 ksk ved sin død i 1845. Garden blei verdsett for 2000 spd og det var lausøyre for 330 spd. Der var au noe «indgjeld» slik at han samla hadde for 2420 spd. Gjelda var bare 129 spd og av dette var 54 dl skifteknad. Berte Rasmusdtr blei utlagd halve jordegodset. Den andre halvparten overtok Torjus for 1000 spd.

Ved salget i 1841 var det skyldsetningsforretning og av dette går det fram at det var det øvre bruket Torjus då fekk. Ole Torjusen sit att med 1 hud 6 ksk, og, heiter det «skal han have ret til at bruge den gamle buevei, forsaa vidt den gaar igjennem Torjus Olsens anpart».

Torjus sel i 1845 dei 4½ ksk til broren Thomas for 500 spd «med paastaaende huse og tilligende herligheder» som det heiter. (Nå bnr 5.) Thomas hadde elles frå 1841 pant i eignedomen for 304 spd. Torjus flytta då trulig tilbake til det gamle hovedbruket. I 1851 kjøper han så av Berte Rasmusdtr 6 ksk utan hus

for 600 spd. Han sat då med 1 hud 3 ksk. I 1855 er det jordskifte på Risdal og Torjus får tillagt sitt bruk (bnr 4 nå) 1<sup>15</sup>/<sub>17</sub> ksk.

*Eit nytt bruk blir til.*

Me såg at Gryte blei utskild frå Metveit i 1810. Ellef Thorsen Grøsele som hadde kjøpt dei 6 ksk for 880 rd, selde i 1812 til Aasul Terjesen og Ole Jensen Haaland for 1400 rd. I 1849 blei Gryte delt. Ole Terjesen Haaland fekk 3 ksk og dette blei lagt til Haaland. Osul Terjesen Stalleland fekk au 3 ksk, nå bnr 2 Metveit. Han fekk i 1854 skj frå Terje Terjesen Stalleland for 100 spd. Han var skomakar og budde på Gryte. I 1862 blei bruket seld på auksjon til Ole Elias Torjusen Metveit for 200 spd. Osul fl. til Lille Hardeberg. Han dreiv som skomakar.

Året etter, 1863, er det utskifting på hovedbruket. Ole Elias får då 5<sup>8</sup>/<sub>17</sub> kalvskind av farens bruk. Han får eit stykke frå Metveit og Nordandalen som hadde gått ut frå Risdal og han betalar 700 spd for dette jordegodset. Han gjekk nok i giftetankar då og skulle ha seg gard. Det han kjøpte av faren slår han saman med dei 3 ksk han kjøpte på auksjon til eit bnr (bnr 2) og går nok i gang med å bygge på den gamle Metveitplassen. Han gifte seg i 1864 med Aasine Johanne Knudsdtr Valbeland. I 1869, eit par år etter at faren var død, fekk han eit stykke av skyld 2 ort 18 sk, nå bnr 3. Heimelsbrev fekk han først i 1878 for 1640 kr. Endelig kjøper han i 1883 bnr 1. Det var dei 3 ksk som Berte Rasmusdtr sat att med og som Aasul Olsen Skiftenes fekk. Det var ikkje hus til dette stykket. I 1867 er det oppgitt at der var «5½ maal klein, tildels vaadlænt sandjord» og slätte til 4 lass, samla høvavling 14 skp. Skogen kunne gje netto for 13 spd 105 sk til året.

Ola laut gå frå garden i 1897. Då fekk C. B. Evensen i Arendal, som på den tid slo til seg

fleire gardar i Landvik, auksjonsskj på bnr 1—3 for 16 000 kr. Evensen gjorde gode pengar på dette kjøpet, for i 1904 selde han til Gulaug O. Jomaas frå Froland for 20 600 kr. Sonen Anders fekk garden i 1926 for 56 000 kr. I 1946 fekk så hans son, Gulaug Metveit, garden for 37 000 kr.

Frå bnr 1 blei i 1953 fråseld parsellen Sørstad bnr 10 av skyld 3 øre som Olav Valbeland kjøpte. Bnr 1 har då att skyld mk 1.63. Bnr 2 har skyld mk 4.61 og bnr 3 mk 1.04. Garden har nå (1956) 35 dekar dyrka mark og 1400 dekar produktiv skog.

#### *Dei to øvre bruk blir eit.*

Etter at Torjus var død i 1867 sat Kistine Aresdtr med hovedbruket til 1876 då sonen Are Torjusen overtok for 2290 spd. Men Are døde alt i 1881. Han var gm Aase Eivensdtr Ørteland som døde i 1887. Torjus Aresen overtok då og fekk skj i 1889 for 8000 kr. (bnr 4). Ved sk blei fråseld bnr 7 Timreheia av sk 12 øre til Edvard Torjusen for 800 kr. Edvard hadde fått det øvre bruket (bnr 5) i 1870 for 1350 spd. Dette bruket hadde som nemnt Thomas Olsen kjøpt av broren Torjus i 1845. Thomas døde i 1867. Enka Gunhild Pedersdtr sat så med bruket til det i 1870 gjekk over til sonen Peder. Morbroren, Osul Pedersen Risdal som var verge, selde så garden til Edvard. I 1885 selde han frå Bronebakken bnr 6 for 500 kr. C. B. Evensen fekk i 1900 også tak i denne egedomen. Han makeskifte med Edvard i Solli, verdsett for 9000 kr. I 1904 selde så Evensen til Eivind Olsen Oland for 10 000 kr. To år etter, i 1906, fekk så Torjus Aresen som sat med det gamle hovedbruket kjøpt tilbake dette gamle ættegodset for 11 000 kr. Det var noe betre hus her og han reiv husa på det gamle hovedbruket og flytte opp til det øvre bruket. Han bygde store nye

uthus her i 1934 og sonen Are T. Metveit som overtok bnr 4, 5 og 7 i 1947 for 59 500 kr., har bygd nye dobbelthøge sætehus.

I 1946 blei frå dei to bnr fråskild bnr 8 Stemtjønnåsen av skyld 80 øre. Dette fekk Anders, bror til Are, for 11 000 kr. Men Anders døde året etter. Torjus og Tarjer som arva sonen selde då til dottera Aasta Birkedal for 10 000 kr.

I 1950 selde Are frå bnr 9 Fjellstad av sk 3 øre til Eivind Igland. Bnr 4 har då att sk mk 5.36, bnr 5 mk 1.96 og bnr 7 mk 0.12. Garden har nå (1956) 35 dekar dyrka mark og 1500 dekar produktiv skog.

For det gamle hovedbruket kan me sette opp denne

#### *Eigar- og brukarrekkje gjennom 300 år.*

1661—1674	Tore Torkelsen
1674—1714	Jens Toresen
1714—1763	Haavor Jensen
1763—1782	Jens Haavorsen
1782—1791	Torjus Jensen
1791—1803	Marthe Knudsdr gm Lars Jølsen
1803—1845	Ole Torjusen
1845—1851	Berthe Rasmusdtr, enke etter Ole
1851—1867	Torjus Olsen
1867—1876	Kistine Aresdtr, enke etter Torjus
1876—1884	Are Torjusen
1884—1887	Aase Eivensdtr
1887—1947	Torjus Aresen
1947—	Are T. Metveit

Are er som me ser 10. mann i same ætta som sit med garden.

#### *Bnr 6 Bronebakken.*

Vegarbeidar Frants Oscar Andersen kjøpte Bronebakken av Edvard Torjussen i 1885 for 500 kr. og bygde der same året. I 1915 selde han til Elias Gunnarson Røyneland for 1700 kr., men Andreas Oskarsen kjøpte det att i 1918 for 4500 kr. Til Bronebakken er det 3 dekar dyrka jord og 35 dekar skog.

*Plassar og plassfolk.*

Det er tidligare nemnt at det var ein plass der Ola Elias Metveit bygde. I 1664 er Christen og Samuel Ellingsssen nemnt som husmannssøner. I åra framover finn me ingen plassfolk. Sven Olsen Mætved vigjer i 1723 med Guri Hansdtr Valborland, men dei er ikkje nemnt på Metveit sidan, og har trulig bare tent på garden. I 1743 er Bærul Tellefsen likna for eiga 10 rd. Han var nok plassmann. Kona hans heitte Ingeborg Olsdtr. Ho døde i 1755 — 72 år gl. Dei hadde ikkje born. Ingeborg var søster til Tore Olsen Jaavoll. Buet synte brutto 47, netto 24 rd. Dei hadde hest, 2 kyr, 3 sauer og 3 geiter, så det var nok ein bra plass. Albret Albretzøn og Todne Bærulsdtr er plassfolk i 1766. Todne var trulig dotter til Berulv Tellefsen som døde på Metveit i 1767 — 76 år gl. Todne Berulsdtr Mætved-eie døde 1792 — 74 år gl. Albret døde i 1777 — 86 år gl.

Christen Andersen Metveit-eie<sup>5</sup> som kom bort ved Hasla i 1791 hadde nok overtatt plassen etter Albret. Christen var 52 år då han kom bort. Enka sat på plassen i 1792 med 2 søner. Dei sådde 1 tn bygg der og avla 5 tn. Dei flytta nok frå, for i 1801 er det Lars Johannesen som sit der som husmann. Lars Johannessøn fra Froland sogn, som det heiter i kb, vigde i 1787 med Maren Arnesdtr Lonebu. Dei budde på Metveit i åra framover, men det var kanskje på Gryte, der det har vore ein gamal plass. Dei hadde borna Birte 87, Ingebor 93, Ane 95, Johannes 99. Lars døde 1818 — 59 år gl, Maren i 1821 — 60 år.

I 1804 fester Ole Torjusen «Pladsen Mætved-Eye» til Anders Christensen. Han var sikkert son til Christen som kom bort i 1791, men Anders døde i 1805 — bare 25 år gl. I 1816 vigde Osul Christensen Mætved, 32 år, med Guri Terjesdtr Valborland. Dei fekk sønene

Terje 1822 og Anders 25. Dei var på Kiland i 1819 der sonen Christen blei fødd. Veit ikkje hvor dei blei av.

Ingeborg Larsdtr Mætved-Eie vigde i 1818 med Ole Johnsen Hunsdal, Ane Larsdtr i 1832 med Christen Christensen Skiftenes.

Den gamle Metveit-plassen blei nok nedlagd og lagd under garden, men i 1875 er Kittel Kittelsen husmann med jord og sagmester. Han var f i Mykland 1832 og vigde i 1866 med Ingeborg Pedersdtr frå Vegusdal. Han budde då på Vollen, men dei kom nok til Gryte og han var sagmester ved Gryte sag. Dei hadde ein son Knud f 1871. Han flytta til Krømpe i Eide. Kittel hadde i 1875 ei ku og ei geit, sådde 1/8 tn bygg og sette 1 tn poteter. Veit ikkje når han flytta frå.

*Garden — buskap, jord og avling.*

På Metveit måtte Tore Torkelsen i 1668 betale 1½ tn 1½ notting i korntiend. Det er då oppgitt at dei kan så 5 tn og fø 1 hest, 16 naut og 20 smaler. Me er så heldige her å ha eit skifte så tidlig som 1674. Buskapen var då 8 kyr og hest. Kuverdet var 3 rd, hesten sett i 6½ rd. Det var vidare ein «tior» til 9 ort, ein «ringtior» 5 ort, 18 «fenader» 9 rd, 3 ungbucher 3½ ort, 1 «nød» 3½ ort. Me ser at garden har vore mykje overvurdert når det gjeld nauthaldet.

I 1695 har Jens Toresen: 1 rød hest, 7 kyr a 2½ rd, 1 tjør og 2 mindre, 10 sauer (a 1½ ort), 12 geiter (a 1½ ort).

I 1714: 1 blakk hest 8 rd, 7 kyr, 3 kvier, 4 tjorar, 13 sauer, 1 gjeldver, 1 rondver, 7 lam, 8 geiter, 5 kje, 1 risbitbukk, 1 galte. Kunamn: Svendrei, Graarei, Fagrei, Marikoll, Fæbot. Stutenamn: Skoutsvend, Roland, Styrmand, Stixper.

Matr 1723 fører opp: 2 hestar, 10 naut, 10 sauer og 10 geiter. I 1791 hadde Torjus Jen-

sen: 6 kyr, 2 kvier, 1 stut, 4 sauer og 1 geit, men han brukte ikkje då heile garden.

I 1867 (matr.kom) er det oppgitt at det i alt er 47½ mål dyrka jord og at dei kan fø 3 hestar, 10 kyr og 22 sauer. Den samla utsåd er sett til 4 tn bygg og 8 tn poteter med avl. 16½ tn bygg og 48 tn poteter. Til samanlikning kan nemnast at lensmann Brøndom i 1792 fører opp ein utsåd på 9½ tn bygg og ⅛ tn poteter.

1875: 3 hestar, 15 kyr, 4 ungdyr, 20 sauer, 5 geiter og 3 svin. Og dei sår 6 tn bygg, 2 tn havre og set 12½ tn poteter. Ei oppgave frå 1956 syner at det nå på heile garden er 73 dekar dyrka jord. Men buskapen er nå ikkje på langt nær det han var i 1875 då dei hadde god folkehjelp og «slo på skauen». I 1867 er det såleis oppgitt at dei har slåtter til 45 lass høy.

#### *Skog og sagbruksdrift.*

Metveit er ein god skoggard. I 1867 er det oppgitt at skogen årlig kan gi for 98½ spd netto. I matr 1723 heiter det: Temmelig god furre og granskov. Utanom matriklane er det elles lite me finn om skogen. Litt meir finn me om sagbruksdrifta. Ved Gryte er det ein sers laglig sagplass. Og her sette dei tidlig opp sag. På Bringsværd ting 1716 blir ålmugen spurd om det er andre «sauger» enn dei privilegerte i distriktet. Dei nemner då Bereli sag og Vestre Skiftenes sag . . . . Videre findes i samme sogn Meetved saug som ei er skaaren paa til denne tid, men endnu staar i bygning og nesten ferdig til at skieris paa.

Dette samstavar med det me såg om at Haavor Jensen i 1717 søkte om løyve til å skjere 1000 bord til året. Dei hadde då bygd saga opp «paa Deris Maj. allernaadigste Behag og approbation». Det heiter i søknaden at sagtømmeret «kan udvirkes av ermeldte interes-

senters paaboende gaarders tilliggende skauer, paa det de derved ei allene til Deris Maj.<sup>ts</sup> skatters etholdelse, men ogsaa til deris huus fornødenhed og ophold, deris last av deris paaboende gaarders skauer, bedre end hidindtil skeet er, til nytte kunde udbringe og Deris Maj.<sup>ts</sup> interesser derved desbedre fremme». «Almuen» svarar på tinget at ei slik «saug» ikkje kunde vere «nogen anden saug til skade eller hinder, henseende ingen privilegerede sauger deromtrent paa 2 mile nær er beliggende». Saga kom nok i drift. I 1762 ser me at Haavor Jensen eig ⅜ i Mætved priv. saug for 24 rd. Og sagparter fylgjer med ved alle jordsalg, ser me. Ved sk i 1785 blei såleis ⅛ i saga sett i 20 rd. Torjus Jensen åtte <sup>5</sup>/<sub>16</sub> i saga i 1791, verdsett til 60 rd.

Ved ei synfaring i 1816 er det opplyst at Mætved sag fekk priv. 1743. Saga ligg på vestre side av «Grydebekken». Dei reknar å skjera 16 tylfter 12' 10". Eigarar er då Nils Pedersen Igland, Ole Torjusen Metveit, Terje Aasulsen Haaland og Markus Pedersen Risdal. På Metveits grunn er då au Håland sag på v. side av Rosevatsbekken. Ringe vand. Skur 8 tylfter. Eigarar er Jens Olsen og Nils Johnsen Haaland. Dei søkte om sag i 1781.

Det var naturleg at det blei sag ved Gryte. For ved Krosshøl like ovanfor kjem det saman tri vassferder. Dit kunde dei flota frå Risdal og Nordandalen, det kjem bekk frå Rosevatnet og så kjem det ein større bekk framom Birkedal, Igland og Haaland. Denne bekken eller elva kjem heilt frå Ørteland i S. Herefoss.

Etter det Arnt Stensvand fortel, var den gamle oppgangssaga heilt nedrotna i 1855. Dei bygde då ny sirkelsag ved Gryte.

#### MERKNADER

1. Sjø Risdal
2. « Dolholt-ætta.
3. « Risdal.

4. Kr. Stalleland skriv: «Torjus Jensen hadde 1 hud etter skøyta 1782. Det er av Elen Borkedal fortalt at han åtte heile Metveit og Vollen med. Eg torer ikkje heilt tru på det. Men 1 hud i Mætveit hadde han. Heile Mætveit skulle vera på 1½ hud.»

Her har nok tradisjonen rett, i det store og heile. Som me har set åtte Torjus Jensen 2 huder då han døde i 1791. Mor hans sat att med ½ hud.

5. Christen Andersen var son til Anders Jakobsen Birkedal. Han var g 1776 med Aase Osulsdtr Øye.

## URDALEN

Gnr 57

I 1850 1/10 er det tinglyst «Festebrev fra John Nilsen Haaland til Osuld Larsen Rodal av Heirefos sogn for han og hans kone Ragnhild Olsdtrs levetid paa et stykke jord mod avgift 2 arbejdsdager de første 2 aar, de neste 2 aar 2 spd og siden 4 spd aarlig.» Dette er opphavet til Urdalen som nå er eige gardsnr. «Det var vild skovmark, ikke engang en slaateteig da Osul Rodalen begyndte der», fortel N. Igland. Nå er det 19 dekar dyrka mark til bnr 2.

Ragnhild Olsdtr var frå Kovelandsdalen. Då Osul døde selde ho plassen til Tellef Osmundsen Lauvaasen.<sup>1</sup> I 1878 blei så Urdalen utskild frå bnr 7 Haaland med skyld  $\frac{33}{61}$  ksk, rev. 16 skl., men Tellef Osmundsen fekk først skj i 1884 av Nils Johnsen Haaland for 2000 kr. I 1889 selde han til Maren Johnsdtr Haaland, som var enke etter Johan Svendsen Øygaren, for 2100 kr. I 1899 fekk C. B. Evensen som au hadde fått tak i to bruk i Metveit, kjøp på Urdalen for 2000 kr. Han selde til Torbjørn H. Oveland, Froland i 1905 for 2250 kr.

Urdalen hadde fått skyld mk 0.26 i den nye matrikkelen. Torbjørn Oveland skilde frå bnr 2 same året som han kjøpte. Det var husa med den dyrka jorda. Han selde bnr 2 av skyld 6 øre til Nicolai Nilsen Rodalen for 1500 kr. Nicolai fekk bubeite og vedbrenne for 90 år i bnr 1. I 1909 gir N. O. Nilsen skj til Torbjørn Oveland og Ole S. Blakstad for det han åtte i bnr 1 for 3966 kr. Dei selde så i 1926 til Carsten S. Due i Grimstad for 6000 kr. I 1949 overtok Andreas og Eivind Havstad bnr 1 av skyld 20 øre for 7500 kr. I 1934 fekk Nils Urdalen skj på bnr 2 for 1500 kr. av arvingane etter Nicolai Nilsen Urdalen og kona Gurine.

### MERKNADER

1. I 1875 sat Osul Nilsen som husmann i Urdalen. Han var f 1853 i Hf. Kona hans heitte Ane Johnsdtr og var frå Vegusdal. Dei hadde ein son, Nils Johan, som var f i Evje 1873. Dei hadde då 1 ku og 3 sauer, sådde  $\frac{1}{8}$  tn bygg og sette 1 tn poteter.

---

## VOLLEN

Gnr 58

Ved Kilandsvatnet nordaust for Metveit ligg Vollen. Av gamalt hadde nok plassen her den gamle fleirtalsforma vellene (gln. vollr. flt. vel-lir). Anders Nilsen Wolden som kom bort ved den store ulykka i 1791, er ein stad nemnt Anders Nilsen Vellene.<sup>1</sup>

Vollen er gått ut frå Metveit og Haaland med 1½ ksk frå hver gard. Det var trulig Anders Nilsen Haaland som først bygde her. Han var bror til Jon Nilsen Haaland og vigde i 1787 med Aase Pedersdtr Birkedal.<sup>2</sup> Anders hadde i 1786 fått kjøp på dei 3 ksk i Vollen og bygde då trulig der då han gifte seg. Dei fekk ein son, Nils, i 1788 og ei dotter i 1790, men ho døde før faren. Ein son Anders, som kom til verda etter den store ulykka, døde 2 månader gl. Aase sat då att enke med den eine sonen. Ved skiftet hadde dei lausøyre for vel 19 rd. Dei åtte 3 ksk i Vollen (Haaland og Metveit) verdsett til 150 rd og ⅓ ksk i Risdal 25 rd. Når gjeld og skifteknad var gått frå var nettoeiga bare ca. 18 rd. På garden hadde dei 1 ku og 4 geiter. Året etter ser me at Aase har fått seg tenestdreng. Det var Torjus Aslaksen frå Senningtveit. På Vollen sådde dei då ½ tn bygg, men avlinga er bare oppgitt til 1 tn, og det kan vel ikkje vere rett.

Aase og Torjus gifte seg og i åra 1795—

1806 fekk dei 7 born, men tri av dei døde som små. Det har vel ikkje vore så godt å greie seg på det vesle bruket som Vollen då var. I 1810 sel så Torjus til Terje Osulsen Haaland for 700 rd og kjøper att eit bruk i Birkedal (bnr 4). Terje Osulsen selde i 1812 til Anders Aanonsen Solberg for 1450 rd. Han selde så i 1818 til Gutorm Aasulsen Rosaas. Sonen Osul Guttormsen budde der. Han bleiv ved Lensmannsneset i Søndle i mars 1824. Osul var far til Guttorm Liodden.<sup>3</sup> Guttorm Aasulsen selde Vollen i 1826 til Jens Aadnesen Senningtveit. Han greidde seg nok ikkje på garden som går til auksjon. I 1833 får Anders Aanonsen og Ellef Olsen Bjørkos auksjonsskj for 400 spd. Dei let Jens få garden att året etter for det same dei hadde gitt. I 1841 sel så Jens til Kallevig & Søn i Arendal for 378 spd. Jens var gm Marte Aanonsdtr Toskedal. Dei hadde ein son Aslak f 1836 som kom til Nautenes. Jens døde på Kiland 1870.

Me veit ikkje hvem som brukte Vollen etter at Jens Aadnesen flytta frå. Men i 1850 er Knud Thomassen og kona Aase Terjesdtr der. Knud, som var frå Øye, vigde i 1844 med Aase Terjesdtr Haaland, dotter til Terje Osulsen.<sup>4</sup> Dei er på Haaland i 1846, der sonen Thomas blei fødd, men så flytta dei til Vollen.

I 1858 får så Knud kjøp på garden av Kitty Kallevig for 300 spd. Mot pant i garden får han låne 200 spd av henne. N. Igland skriv: «Knud bragte Volden — hvor tidligere var bare armod — op til en anselig eiendom, med taalig god forfatning.» Etter oppgave frå matr.kom 1867, der Igland var med, ser me at garden kan fø 3 kyr og 5 sauer. Der er 10 mål dyrka mark «tør jord paa sandbund og lit myr» og slåtte til 9 lass, samla høvavling 25 skp. Dei sår 1 tn bygg og set 2 tn poteter. Skogen kan gi for 25 spd netto til året. Eit «vandfald» er rekna til 27 sk i skyldsettinga. Garden blir elles karakterisert som tungbrukt, og om havnegangen heiter det: ubekvem og klein. Besværlig adkomst til vei. Det var elles noe som galdt alle gardane i Øvre Landvik på den tid. I 1875 har Knud Thomassen som bur der med kone og tri born, mykje større buskap enn oppgitt i 1867. Han har hest, 3 kyr, 1 ungdyr og 11 sauer. Og han sår  $1\frac{1}{4}$  tn bygg,  $\frac{1}{4}$  tn havre, 1 skålpund grasfrø og set  $3\frac{1}{2}$  tn poteter. Knut døde i 1883, Aase 1889.

Det ser ut som brørne til Knud hadde vore medeigarar i Vollen, for i 1882 fekk Knud Thomassen skj frå Nils, Lars og Kristian Thomassøner for deira part i garden for 1400 kr.

Året etter gir han og kona seg i follaug til sonen Thomas, som då får garden av skyld 2 dl 4 sk eller mk 2.76. Thomas selde garden i 1895 til Andreas Jensen Øya (Øen) for 5900 kr. Thomas var då flytta til Rosholt. Tellef Thomassen og kona Karen Olsdtr var der i åra 1891—94.<sup>5</sup> I 1910 fekk Aase Jensdtr Vollen skj på eigedomen for 5300 kr. Ho selde i 1919 ved verge Knut Birkedal til skulestyrar Sigmund Vatne for 32 000 kr. I 1938 gjekk garden til Knut A. Metveit for 18 000 kr.

Knut A. Metveit, som er son til Anders Jomaas på Metveit, bygde straks store dobbelhøge hus på garden, som nå har 12 dekar dyrka mark og 275 dekar produktiv skog.

#### MERKNADER

1. Sjå Metveit.
2. Sjå Haalands-ætta. Nils, son til Anders, kom til Birkedal. Han budde på plassen Haalandskroken og kjøpte eit bruk i Birkedal saman med sonen Anders. Olav N. Birkedal ættar frå han.
3. Sjå N. Igland: Iglandsætten.
4. Sjå N. Igland: Iglandsætten.
5. N. Igland fortel at Thomas selde til Tellef Thomassen frå Stie. Finn ikkje noe i pantebøkene om det, så det er vel trulig at dette kjøpet ikkje kom i orden.



---

## HAALAND

Gnr 59

Ved Krosshøl vest for Metveit svingar vegen inn til Haaland, Igland og Birkedal. På Haaland er skolehus for kretsen. Haaland er — som namnet seier — ein gard som ligg høgt. Garden var frå gamalt bytt i tri bruk og dei hadde alle sine tufter oppe på høgdi der Kristen Haaland bur nå.<sup>1</sup> Bruka blei oppdelt i 1842 og seinare. Kjem du til Haaland i dag, så tykkjer du kan hende at garden ikkje ber namnet sitt med rette. Første bruket du kjem til er bnr 1 som ligg like ved vegen i dalbotnen. Det er det einaste bruket som har gått udelt sidan slutten av 1600-talet. Også tri andre bruk ligg nede på sletta. Ved søkking av Haalandsbeken og Haalandslona har dei vunne inn ny jord.

Den samla dyrka mark er i 1956 oppgitt til 171 dekar mot 80 i 1867. Den store utflyttinga med nybygging var nok kring 1850. For tri av bruka er det oppgitt at sætehusa blei bygde det året. På dei andre bruk er det hus av nyare dato.

### *Garden brenn.*

At alle hus på Haaland var samla i eit tun har me vitnemål om frå 1732. I tingboka for Bringsværd ting 27. november det året heiter det:

Ole Engelsen Haaland og Jon Paulsen paa egne og

deres grande Christen Aanonsens veigne fremstillede for retten Anders Aasulsen (Kiland), og Halvor Olsen at vidne om den brandskade dennem paa deres paa-boende gaard Haaland i Landvig Sogn er over faret. De bn.t 2de vidner forklarede at i dag for 6 uger siden om natten noget efter midnat kom der ved en ulykkelig hendelse ild i it saakaldet ildhus, og da af-brandt for Ole Engelsen alle hands huuse uden it gammelt stolphus og fik intet bierget uden creaturerne, nogle faa klæder og hvis madvare som var i stolphuset.

Item sagde at Jon Paulsen paa ditto gaard samme tid ved ildebranden miste hans fæhuuse og høiløe med det derudi indbiergede høe, mens hans stuehuse og creaturene blev frelst. Og Christen Aanonsen mistede i samme brand alle sine huuse uden sin kornløe og nogle klæder som han fik udkastet, men kreaturene blev bierget.

Det må ha vore ein dramatisk brann i den mørke oktobernatta. Og det var sjølv sagt eit hardt slag for dei som miste hus, avling og lausøyre. Men dei bygde oppatt på dei gamle tufter og garden låg der som han hadde lege vidare framover i over 100 år.

### *Dei eldste på Håland.*

Det var utanbygds folk som åtte Haaland først på 1600-talet. Garden hadde då ei skyld på 2½ hud, sett opp til 3 huder i 1668. Eldste brukaren me kjenner er Rasmus Haaland som var «Crone- og leilendingsbonde» frå 1610 og utover. Han møtte som vitne i 1624 i ei sak

på Dolholt og der finn me bumerket hans. I 1628—29 er Ragnhild Haaland krone- og leiglendingsbonde, dvs. ho skatta for garden. Trulig har det vore fleire brukarar, vel helst tri alt då som i 1645. Då er nemnt: Jeppe og hans quinde, Oluff toe piger Anne og Gro. Christen og hans quinde, og en pige Inger. Dei betalar tils.  $\frac{1}{2}$  dl 16 sk i koppskatt.

I 1647 bygsler Astri Halse (i 1652 nemnt Astri Holte) garden til Jeppe og Christen Haaland, og slik er det fram til 1657. Det må likevel vere ein feil ein eller annan stad, for i åra 1653—59 står Kidel Igland og Christen Risdal som eigarar av 10 ksk i garden.

I 1657 betalar Oluff Haaland 1 dl 1 ort 15 sk i kvegskatt, Jeppe 1 dl 18 sk. Som tridje brukar kjem Poull med 3 ort 8 sk. Paal må vere ein ny mann på garden. I 1658—59 ser me at han står som eigar av 10 ksk, tridjeparten av garden. Han er skriven Powel Pedersen i 1661 og er då eigar og brukar av 10 ksk. Han var 40 år i 1664 og ætt etter han kom til å sitte på Haaland heilt til 1900 då den siste av ætta, Nils Johnsen, selde garden til konsul Evensen i Arendal.

Oluff, eller Olle Holand, som han er skriven i 1661, har au fått kjøp på 10 ksk som han brukar i 1661, medan Jeppe Andersen «leyer af Aanon Haaland i Lister Lehn 10 ksk». Hvem denne Aanon Haaland var, veit me ikkje.

Olle eller Ola Haaland er i 1664 skriven Oluff Rasmussøn og er 50 år. Han har ein son Telle (Telleiv) som er 10 år i 1666. Jeppe Andersen var 66 år i 1664. Han er der ikkje i 1668. Då brukar Ola 2 huder og Paal 1 hud. Dei har hver 1 hud til brugelig pant, som det heiter. Det var såleis ikkje odelsgoods dei hadde. Som nemnt blei garden sett opp i skyld det året. I 1674 eig Aanon Haaland i Lister Lehn 1 hud odelsgoods, Paal eig 1 hud til br. pant. Det same gjer Groe Haaland med sine born, som det heiter. Av det siste kan me slutte at


Ola er død då og at kona hans heitte Gro. I 1681 er Aanon Haaland framleis eigar av den eine huda. Då eig Gro Haaland og borna 1 gsk i «Wester Brechen».

Før kb tar til får me ikkje meir greie på folka på Haaland. I 1691 døde Anne Jonsdtr Holand — 73 år. Same år er gravlagd Gunild Elifsdtr Holand, 38 veker gl. Aanond Holand har sonen Christen til dåpen. Der er såleis kome nye folk til garden. I 1692 har Eilev sonen Ole til dåpen. Aanon har sønene Aanond 94 og Nils 98.

Hossen hekk nå dette i hop? Av eit pantebrev frå 1697 får me vite at Tellef Olufson Ørteland, Aanon Christensøn Haaland og Eilef Stenersøn Haaland frå Landvig og Herefoss skylder 70 rd til Laurits Torkildsen Lindtveit i Øyestad. Dei pantset 1 hud i Haaland som konene deira har arva, heiter det.

Av sk 1714 veit me at kona til Aanon heitte Øli Olsdtr. Ho må såleis ha vore ei dotter til Ola og Gro. Og Aanon har då gifta seg til Haaland, der han som leiglending brukar 1 hud i 1701, sikkert den huda Laurits Torkildsen fekk i pant i 1697.<sup>2</sup> Eilev var bror til Aslak og Knud Stenersøner Steinsvand i B. Han var ikkje på Haaland i 1701. Trur at Tellef Olufsen Ørteland kanskje er den same som den Tellei som er nemnt tidligare og at det ikkje var kona hans som var frå Haaland.

Paal Pedersen er på Haaland i 1701. Han er au då blitt leiglending og sit med 1 hud.<sup>3</sup> Det er då bare dei to brukarane på garden. Den tridje huda eig og brukar Daniel Guttormsen Sneløs. I 1698 selde Knud Dagsøn Omland i Halsaae på vegne av stedborna Johan Guttormsen og Engel Guttormsen  $\frac{1}{2}$  hud i Haaland, som dei har arva etter faren, Eivind Guttormsen, til Lautrits Torkildsen Lindtveit, og dessutan  $\frac{1}{2}$  hud som Knud Dagsøn har fått med kona Gunnild Joensdtr. Rikingen Laurits Torkildsen sat såleis med 2 huder i Haaland



*Haaland med vegen innover til Igland og Birkedal.*

då. Det siste han kjøpte var trulig den huda som Aanon Haaland i Lister len hadde.

*Garden på 1700-talet og seinare.*

Paal og Aanon sit som leiglendingar i 1706. Dei brukar saman 2 huder, Daniel Guttormsen 1 hud. Det er nok leigefolk på dette bruket ei tid. I 1706 vigjer Klrsten Berulfsdtr Haaland med Kiddel Olsøn Løvrach, og Ommund Børuldsen med Mari Knudsdr Biorvatten. I 1709 vigjer Aslag Børuldsen Haaland med Gunhild Knudsdr Espestøl. I 1711 er Aanon, Jon og Jørgen brukarar. Jon var son til Paal. Han var 19 år i 1701. Broren Peder gifte seg til Øye i 1710. Broren Anders kom til Birkedal.

Paal Haaland døde i 1709. Alderen hans er då oppgitt til 81 år, men han var 80 i 1701! Det er ikkje funne skifte etter han, men han må nok ha fått løyst inn garden, for i 1721 ser me at Peder Poulsen Øye sel til broren Jon 4 ksk i H. for 30 rd. Og i 1728 får Jon skj av Anders Paulsen Birkedal på 4 ksk.

I 1713 sel Terkel Larsen Lindtveit 1 hud i Haaland til Ole Engelsen Grøsele for 98 rd, bnr 1 nå.<sup>4</sup> Same året overdrar Terkel Larsen til Daniel Guttormsen «boende paa garden Sneløs i H.fos 1 hud pantegods i Haaland for summa 70 rd». Christen Aanonsen får trulig innløyst dette pantegodset (det var nok hans bruk dette galdt, sjå pantebrev 1697), for i

1723 står Joen Povelsen, Oele Engelsen og Christen Aanonsen som eigarar av 1 hud hver i garden.

#### *Innsteg på Haaland 1734.*

Etter den store brannkatastrofen i 1732, kunne ein ha venta at det stod smått til på garden. Men stig me inn til Ole Engelsen ein februar dag i 1734 då det er skifte etter kona hans, Gunhild Salvesdtr, er det ikkje ein fatig heim me kjem inn i. Me må gå ut frå at han då hadde fått bygt oppatt husa sine — han hadde som nemnt bare stolphuset att etter brannen — for det er ikkje nemnt noe om husa i skiftet. Han åtte garden skuldfri og dessutan 1½ ksk i Grøslø. Og han hadde lausøyre for vel 125 rd. Dei hadde ved brannen fått berga krøteret og «nogle faa klæder». Resten må då vere nytt. Me nemner etter skiftet:

Sølv: 1 bager, bokst. OES. GSD 1723 for 4½ dl. 1 sølvsnørekiæde med naal lang 5 kvarteer 1-1-0. 1 dito, same pris.

Messing: 1 stor lysestage 2 ort.

Jern: 3 gryder, 1 skohammer og 1 tang. 1 bagstehelle 0-1-0. 1 børse 1-1-0. Smieredskaber, af et lidet stee, skruestee, 3 tenger, 1 hammer, 1 fil, smidebelg blev taxeret for 3 rd. Elles er det vanlig reidskap, økser m.v. Vidare: 1 hægler, 1 par karder. Dei dreiv såleis med spinning både av lin og ull. Her er au ført opp 1/9 i Midttveedt saug 4 rd, 1 udeqvern med jernredskab 6 rd.

Ridetøi: 1 mandfolksadel med bigsel 2 rd. 1 arbeidsæhle ½ rd.

Træfang: M. a. 1 gl. egebord med krak 0-2-12, 1 roskåp, 2 kister med lås, 2 øltønner og ei rekke andre tønner, kar og såer, m. a. 6 silingsbøtter, 5 vassbøtter, knøetraug, 2 dryftetraug, 2 hjulrokker.

Sengeklæde: M. a. 3 bolster underdyner a 3½ rd. Der var fleire «hoveddyner» og puter, eit par av skind. Me finn og 1 stoelhynde med billedvævning verdsett til 1 ort 16 sk. Vidare 1 flamsk dito 1 dl, fleire ryer og 8 «løsningssengklæde».

Linklæde: M. a. 5 lerretslaken, 1 ringvevd duk, 1 dreiels håndklæde og 1 «gaasøyne» do.

Gunhild Salvesdtr var av Hellelandsfolket og ho var

godt utstyrd i klædevegen. Den sal. qvindes gangklæder: 1 rød klædestroye 1 dl. 1 blaa og rødspættet kallemankes trøye 1-1-0, 1 rødt sarses skiørt 3½ rd, 1 gulagtig indsprængt sarses dito 2 rd, 1 rødt stametes dito 1 rd, 1 blaat dito 3 ort, 1 blaat plysses snørliv med 11 par sammenlenkede snøringer av sølv og sølvsnorer 3 rd, 1 randet kallemankes snørliv ½ rd, 1 lærreds overdel og underdel 3 ort, 1 lærredsforklæde 20 sk, 1 lærreds tørklæde 16 sk.

Steenøi: 1 stort krus med tinlaag 0-1-18.

Bøker: 1 kirkepsalmebog indbundet udi forgylt pergament ½ rd, en bog kaldet Den aandelige bedende kiæde 1 ort, 1 ordineret kirkepsalmebog af det nye oplæg med grov stil trøgt 0-1-8, 1 gl. bog kaldes en postil over Epistlerne udgiven af Andreas Dallinus vurd. for 12 sk.

Til slutt tar me med buskapen. Dei hadde ein sort-brun hest 13 rd. 5 kyr (2—3 rd), 1 «tior», 1 kvie, 11 geiter og 10 sauer. Småloget blei sett i 1 ort 8 sk stykket.

Skiftetekostnaden kom på 9 rd 3 ort. Skrivaren dro av med det sølvet der var, her som så mange andre stader.

#### *Nye folk til gards.*

Ole Engelsen døde i 1741 og sonen Jens Olsen overtok garden. I 1743 er han likna for 20 rd. Det same er Jon Paalsen (Povelsen). Christen Aanonsen på det tredje bruket sat nok ikkje så serlig godt i det. Han er ikkje nemnt. Me nemnte at Christen trulig hadde fått innløyst den huda han brukte i 1723. Han hadde gifta seg året før med Guri Andersdtr Hørte og dei fekk mange born. Då Guri døde i 1764 sat han med 6 ksk i garden, verdsett for 72 rd. Han hadde lausøyre for ca. 48 rd, men nettoen medrekna jordegodset blei bare 9 rd.

Det andre halve bruket hadde Tellef Olsen Ørteland fått. Han hadde arva dei 6 kalvsk. saman med sine søsken etter mora, Ingeborg Danielsdtr. Og ho var nok frå Snøløs og hadde fått godset etter far sin, Daniel Guttormsen. Tellef var soneson til den Tellef Olufsen Ørteland som tidligare er nemnt, og mange av hans

søsken kom til Landvik,<sup>5</sup> m. a. var ei søster, Gunhild, gm Jens Olsen på Haaland. Telleiv er på Haaland frå 1747 og utover. Han var gm Anne Pedersdtr Birkedal. Ho døde i 1758, og Telleiv vigde då med Gunhild, dotter av Christen Aanonsen. Det var på same bruket og trulig hadde då Christen og Telleiv hus i hop. Gunhild døde i 1764 og Telleiv gav då opp sitt bu. Beint Olsen Kiland blei utlagd dei 6 ksk Telleiv hadde i garden for gjeld 105 rd. Telleiv flytta til Birkedal.

I 1750 var det sk etter Joran Nilsdtr, kona til Jon Paalsen. Jon hadde då 1 hud i garden og han gir seg i follaug til sonen Nils Jonsen.

I 1768 døde Jens Olsen. Han sat au med 1 hud i garden, det same som faren hadde hatt. Han sat tålig godt i det, nettoen var 142 rd. 1 hud i garden var nå sett i 240 rd.

I 1776 er det sk etter Nils Jonsen. Han hadde då 15 ksk i garden. Det må ha vore slik at han har fått slått til seg 3 ksk av det jordegodset som Beint Olsen Kiland fekk utlagd. Dei andre 3 ksk fekk nok Aanon Christensen. I 1782 fører Aanon tingsvitne på at han i meir enn 20 år har «eiet, raadet og upaaanket brugt 6 ksk udi gaarden Haaland», men ved sk etter kona, Maren Danielsdtr (som au var frå Ørteland), er han i 1788 eigar av 9 ksk.

Ole Jensen fekk skj på 1 hud i 1783. Han vigde i 1776 med Tøri Pedersdtr, søster til lensmann Tellef Pedersen Stie. Ola døde i 1787 — bare 46 år gl. Eit par år etter vigde Tyri oppatt med Børe Knudsen som då tente på Udjus. I 1792 har me då på Haaland John Nilsen og kona med 2 søner og 1 dotter. Brukar 1 hud 3 ksk. Børge Knudsen og kona, 2 søner, 2 døtre. Brukar 1 hud. Aanon Christensen med 1 dotter, 1 tenestdreng og 2 jenter. Brukar 9 ksk.

I 1795 gir Børe Knudsen skj til stesonen Jens Olsen på 6 ksk for 120 rd. Og bruket går sidan udelt til våre dagar (bnr 1).

Aanon Christensen hadde bare ei dotter, Guri. Me såg at det ikkje hadde gått så rart for desse folka tidligare, men Aanon hadde arbeidt seg godt fram. Ved sk etter Maren Danielsdtr i 1788 sat Aanon som nemnt med 9 ksk i garden, verdsett til 180 rd, han hadde vidare  $\frac{1}{16}$  i Metveit priv. sag 8 rd, lausøyre for 139 rd og hadde til gode av Ola Aasulvsen Øye 107 rd. Gjelda var bare 20 rd. Når skifte-kostnaden var dregen frå var nettoen omlag 400 rd. Aanon hadde m. a. eit sølvstaup for 3 rd og 6 sølvskeier med inskripsjon verdsett til 9 rd. Også her tar skrivaren sølvet. Det er nå registrert m. a. 2 jernkakelomner av vekt  $1\frac{1}{2}$  skp hver, for tils. 11 rd. Buskapen er 1 hest, 4 kyr, 1 kalv, 6 sauer, 6 geiter.

Gardjenta Guri Aanonsdtr vigde i 1793 med Terje Osulsen frå Lauvåsen. Han var av Iglands-ætta. Dette bruket blei i 1854 kjøpt av Tomassønene frå Øye og delt straks etter.

Ser me så på Jon Nilsens bruk, var det som nemnt på 15 ksk i 1792. Men det er visst ikkje heilt rett. For ved sk etter Anders Nilsen på Vollen 1791 er det oppgitt at han har fått skj på 3 ksk av Haaland og Metveit i 1786. Av dette er nok  $1\frac{1}{2}$  ksk gått ut frå Jon Nilsens bruk. Jon sel au i 1799 to ksk til Terje Aasulsen for 200 rd og sit då att med  $11\frac{1}{2}$  ksk. Og det samstavar med seinare oppgaver.

#### *Garden etter 1800.*

I 1801 er det desse huslydane på Haaland:

1. John Nielsen 60 år og kona Berte Svendsdtr. Dei har sønene Nils, Svend, Anders og Jens og dottera Anne.
2. Tergie Aasulsen 36 år og kona Guri Aanonsdtr 23 år og borna Aasul og Maren. To tenestdrenger og ei jente.
3. Jens Olsen 24 år, ugift. Ei tenestjente.
4. Anders Christensen 36 år, inderst og dagleier. Han var gm Ingeborg Jensdtr Haaland, 53 år. Ho var enke etter Salve Osulsen Øye.

I 1803 vigjer Jens Olsen med Dordi Johnsdtr Hunsdal. Og i 1807 held Nils Jonsen bryllup med Anich Olsdtr Skiftenes. Dei fekk 10 born, Jens og Dordi 9, så det blei folksamt på Haaland den tida. Terje og Guri fekk au 9 born, men bare 5 vaks opp. Terje Aasulsen dreiv og kjøpte og selde mange gardpartar. I 1808 pantsette han 9 ksk i Haaland til Froland Jernverk for 800 rd. Men han fekk nok strie vilkår, for same dag pliktar han seg til årlig å levere 50 lester kol for 1 rd 1 ort pr lest. Kola skulle leverast i kolhuset på Grøsele. I 1810 kjøper han Vollen, men sel same året til Nils Johnsen 2 ksk i Haaland. Me kan gå ut frå at det var dei 2 ksk han hadde kjøpt i 1799. Han sel au 6¼ ksk i Birkedal. I 1812 kjøper han Gryte for 1400 dl saman med Ole Jensen.

Ola Nilsen får først garden etter faren i 1815. I 1819 er Jens Olsen, Ole Jensen og Svend Johnsen med og kjøper eit bruk i Kiland. Svend Johnsen som var bror til Nils, hadde nok fått noe av heimegarden, trulig Øygarden, for i 1827 pantset han 2 ksk i H. og noe i Kiland til konsul Pharo i Grimstad for 128 spd. I 1833 pantset han 1¼ ksk i H. og det han eig i Kiland til konsul Pharo for 438 spd. Han har då trulig bygd i Øygarden, for jordegodset i H. er pantset «med hus og herligheder». Også Nils Johnsen må ut på lånevegen. Me ser at han i 1828 pantset 3 ksk i garden til kjøpmann Thomas Crawford for 100 spd.

I 1830 vigjer Osul Terjesen med Aase Rasmusdtr Hunsdal. Også på dei andre bruk rykker den nye generasjon inn. John Nilsen får i 1836 ei jente frå Metveit, Ingeborg Olsdtr. Fjorten dagar etter held Ole Jensen brøllup med Tarjer Aresdtr Kiland. For denne huslyden blei elles åra framover noe av ein tragedie. Første barnet, ei dotter, levde, men sidan fekk dei fem born som alle var dødfødde.

#### *Utskiiftinga i 1842 og seinare delingar.*

I den nye matr. i 1838 står Jens Olsen oppført som eigar av lnr 138 gl skyld 1 hud. Terje Aasulsen og Nils Johnsen har lnr 139 — 11 ksk. Nils og Svend Johnsen lnr 140 — 11½ ksk og Jens Aadnesen lnr 141 — 1½ ksk. Det siste er Vollen og det blir tilsaman 3 huder. Ny skyld 9 dl 4 ort 22 sk. Terje hadde elles i 1837 selt 6 ksk i garden og  $\frac{3}{16}$  i Metveit til sonen Osul for 400 spd. Terje og Guri gav seg same året i follaug til Osul, som for det skulle ha 3 ksk i garden. I 1840 pantsette Osul dei 9 ksk til Frolands Verk for 250 spd.

I 1842 er det stor utskifting og skylddeling på Haaland. Lnr 139 som Aasul Terjesen og Nils Johnsen åtte blir delt med 9 ksk til Aasul og 2 ksk til Nils. Terjes bruk får lnr 139 a, det Nils fekk lnr 139 b.

Same dag blir lnr 140 delt mellom Svend Johnsen som får 2½ ksk og Nils som får 9 ksk. Nils har då tilsaman 11 ksk. Dette blir så dagen etter skifta i 2 mellom han og sonen John som får sitt av lnr 140, dvs. 5½ ksk. Nils sit då att med lnr 139 b, 2 ksk, og lnr 140 b, 3½ ksk, nå bnr 3. John fekk lnr 140 c, nå bnr 7.

Me skal nå sjå på dei enkelte bnr og den vidare deling.

#### *Bnr 1.*

Som nemnt har dette bruket gått udelt frå Ole Engelsen Grøsele kjøpte i 1713. Me såg at Jens Olsen åtte bruket i 1838. Det er ikkje noe i panteboka om denne eignedomen frå 1815 til 1884 då arvingane etter Jens Olsen Haaland gir skj til Gjeruld Pedersen for 6700 kr. Son til Jens, Ole Jensen, og kona Tarjer Aresdtr var på garden til 1848. Dei flytta til Skotta i Fjære. Ein son Jens Skotta. Ein yngre bror til Ole, Peder Jensen, overtok garden. Han var g 1846 med Aase Halvorsdtr. Jens Olsen og kona flytta trulig med Ole til Skotta. Gjerul,

som overtok garden i 1884, var ein yngre son til Peder, f 1852. Han var gm Aase Gurine Knudsdr Valborgland i 1877, men ho døde alt i 1884. Dei hadde 4 born som alle døde små. Gjeruld g seg oppatt i 1886 med Serine Bergitte Berntsdr Birkedal. Ho døde i 96 og Gjeruld i 1897. Det sat att 3 foreldreause born, den eldste 6 år. Dødsbuet sel så garden i 1899 til C. B. Evensen for 10 300 kr. Han selde i 1903 til Terje Stalleland for 10 750 kr. I 1937 overtok sonen Terje T. Haaland eige- domen for 30 400 kr. Faren hadde bygt nye sætehus og uthus på garden i 1924. Terje Haaland som var f 1907 døde i 1953. Han var gm Agnes Stomnaas frå Finsland, og ho sit med garden nå.

Bnr 1 har 45 dekar dyrka mark og 1400 dekar produktiv skog. Skyld mk 5.55.

#### Bnr 2.

Etter utskiftinga i 1842 sat Aasul Terjesen med lnr 139 a — 9 ksk, det gamle bruket som Aanon Christensen hadde. Aasul sat i gjeld til Frolands Verk, slik som faren hadde gjort. I 1852 går Verket på for å få inn gjelda som har vakse til 268 spd sidan 1840. Han ser seg nok ikkje utveg til å skaffe pengar, for han bind seg til å levere kol «efter gangbar pris enten til Frolands Værk eller paa Grøsle, og minst 50 — femti — lester aarlig til gjelden er betalt i leveranse inden 1. mai 1853». Han greier visst ikkje dette, for i mars 1854 sel han bruket og det han åtte i Metveit til Svend Tellefsen Froholt for 800 spd. Pantobligasjonen til Frolands Verk blir avlyst eit par dagar etter. Osul sat nå utan gard, og neste år reiste han med den store huslyden sin til USA.

Svend Tellefsen kom ikkje til Haaland. Han selde ein månads tid etter kjøpet for det same han hadde gitt. Dei som kjøpte var Knud, Nils, Lars og Christian Thomassøner Øye. Knud kom til Vollen, Lars og Kristian til Haaland. Ætt

etter dei har nå sete der i over 100 år.<sup>6</sup> Til kjøpet lånte dei 420 spd i Hypotekbanken. I 1856 deler så Lars og Kristian bruket. Lars fekk lnr 139 a som det gamle bruket hadde, nå bnr 2. Kristian fekk lnr 139 c, nå bnr 4. Hvert bruk var då på 4½ ksk eller 1 dl 1 ort 6 sk. Lars var gm Maren Johanne Olsdr Skiftenes. Han døde i 1899 og bruket gjekk då over til sonen Karl Tobias for 4600 kr. Med i kjøpet var au bnr 8 som Lars hadde kjøpt i 1886 for 1000 kr. I 1918 går bruket ved sk.-skjøte over til sonen Lars K. Haaland for 8000 kr. og 4700 kr. for lausøyre.

Bnr 2 har nå (1956) 36 da dyrka mark og 12 da under dyrking, og 500 da produktiv skog. Lars som har diplom for nydyrking, bygde nye uthus i 1935 og sætehus 1952. Bnr 2 har skyld mk 2.15.

#### Bnr 3.

Dette er det bruket som Nils Johnsen sat att med då han hadde delt garden i 1842 (lnr 139 b og 140 b — 5½ ksk). Ole Nilsen fekk bruket etter faren i 1849 for 385 spd. Han skj det året etter over til broren Martin for 250 spd. Ole flytta til Saabulia.<sup>7</sup> Martin var gm Anne Abrahamsdr Heimdal. Ho blei enke i 1872 og sat med garden ei tid. Bruket blei i 1874 skj over til sonen Nils Martinsen (f 1862) for 700 spd. Nils Martinsen selde i 1885 frå Heietjørnhei bnr 6 av skyld 25 øre til sitt søskenbarn Nils Johnsen for 600 kr. Vidare selde han frå bnr 8 Vollene av skyld 35 øre til broren Abraham Martinsen for 900 kr. I 1890 selde han så det han sat att med av skyld mk 2.05 til brørne Thomas og Karl Tobias Larsen Haaland for 2600 kr. I 1897 gav Lars skj til broren Thomas for sin part av eige domen for 570 kr. Thomas selde til sonen Kristian i 1948. Han gav 5000 kr. for denne eige domen og bnr 10 som Thomas hadde fått ved skj frå faren i 1897 for 800 kr. I 1952 går

så bnr 3 over til Thomas Haaland, son til Kristian. Han gav 52 000 kr. for dette bruket og bnr 5, 6 og 10.

Frå bnr 3 blei i 1935 fråseld tuft til Haaland skole, bnr 15 av skyld 5 øre. Bnr 3 har då att skyld mk 2.00.

Bruket har 30 da dyrka mark og 1000 da produktiv skog. Sætehus bygd i 1850, uthus i 1908.

#### Bnr 4.

Ved delinga i 1856 fekk Kristian Thomassen lnr 139 c, det seinare bnr 4. I 1878 skilde han frå lnr 139 d, det seinare bnr 5 av skyld 7 øre. Nils Johnsen fekk dette for 240 kr. Thomas Kr. Haaland overtok eigedomen etter faren. Han var ungkar. Kristian Haaland kjøpte eigedomen av dødsbuet i 1948 for 20 800 kr. Den tidligare eigar var søskenbarn til far til Kristian. Kristian selde i 1956 til sonen Per Haaland for 30 400 kr.

Bnr 4 har 30 da dyrka mark og 300 da produktiv skog. Sætehus bygd 1850 (1855?), uthus 1907. Skyld mk 2.06.

#### Bnr 7.

Ved delinga i 1842 fekk John Nilsen lnr 140 c, 5½ ksk. Han fekk skj i 1843 for 300 spd. I 1878 selde han frå Urdalen <sup>33</sup>/<sub>61</sub> ksk. Osul Larsen Rodal hadde festa denne plassen i 1850. I 1884 blei bnr 7 overtatt av Nils Johnsen. Han fekk i 1887 skj på bnr 5 som var fråskild bnr 4 i 1878. I 1885 fekk han bnr 6 Heietjørnheia av skyld 25 øre som han kjøpte av sitt søskenbarn Nils Martinsen for 600 kr. Sjå bnr 3. Han sel i 1900 til konsul C. B. Evensen i Arendal for 6500 kr., som au hadde fått kjøp på bnr 1, og det er då ute med den gamle Haalands-ætta som hadde sete på garden sidan 1650-åra.

Evensen selde i 1905 til Thorbjørn H. Oveland frå Froland som gav 7250 kr. for dei tri bnr.

Same året blei fråskild bnr 11 av skyld 82 øre. I 1925 blei fråskild «Kilandsstykket» av skyld 30 øre (bnr 12). Dei selde dette til Kristen Knutsen Haaland for 5000 kr. Han hadde au overtatt bnr 11 som mor hans, Kristine Olsdtr Metveit gm Knud Kristensen Valbeland hadde fått i 1909 etter Aasine Knudsdr Metveit for 3000 kr.

I 1926 skil så eigarane av bnr 7, Torbjørn H. Oveland og Ole S. Blakstad frå bnr 13 Bakkring av sk 40 øre og bnr 14 Djupekjerråsen av sk 20 øre. Kristen Knutsen Haaland kjøpte desse stykke for 7000 kr. Noe seinare på året sel dei så bnr 3 som har att skyld mk 0.72 til Kristian Thomassen Haaland for 10 000 kroner.

#### Bnr 11

er nå det gamle hovedbruket etter delinga i 1905. Skyld mk 0.82. Til dette høyrer og bnr 12 Kilandsstykket og bnr 13 og 14 som Kristen Haaland fekk kjøpe tilbake i 1926. Bruket har 30 da dyrka mark og 400 da produktiv skog. Sætehus bygd 1850, modernisert 1951.

#### Bnr 9 Øygarden.

Ved den store utskiftinga i 1842 fekk Svend Johnsen 2½ ksk av lnr 140 (140 a). Han hadde trulig bygd på Øygarden tidligare. Det brann på Øygarden 30. juni 1847. Svend og kona var i Eide då. Dei hadde ein gard der. Sonen Johan Svendsen var heime og han låg og sov om ettermiddagen og kom seg så vidt ut, utan å få berga noe. Tingsvitnesak om dette var reist av 10. batteri «sigtende til opplysning om at endel hos Svend Johnsen paa artillerilægdet Haaland i Landvig Sogn opbevarede uniform- og armatursager ved opkommen ildsvaade opbrændte sammesteds». Det var Johan som var artillerist. Grannane møter og vitnar at det var uråd å berge noe. Denne tingsvitnesaka var i september 1848. I februar året etter



har Svend takst på dei 2½ ksk som blir sett i 300 spd. Det er ikkje hus på eigedomen då. Det han hadde i Kiland blei sett i 350 spd. Svend døde i 1850 og Johan overtok bruket. Han og kona Maren Olsdtr med 3 døtre var der i 1875. Dei hadde då 3 kyr og 6 sauer og sådde 1 tn bygg og sette 2½ tn poteter.<sup>8</sup>

Svend Johansen sat med Øygarden etter faren, men i 1895 fekk Nils Igland auksjonsskj på bruket for 2900 kr. Øygarden er sidan brukt som underbruk under Igland. Dei gamle hus er borte, men i 1955 fekk Arne Igland eit stykke av Øygarden bnr 16 av skyld 10 øre. Han har bygd der. Bnr 9 som Nils P. Igland er eigar av, har skyld mk 1.22.

#### PLASSAR

I åra 1827—36 var Nils Andersen og Ingeborg Aadnesdtr på Haaland. Dei budde på plassen Kvennekrogen.<sup>9</sup> Nils var av den gamle Haaland-ætta, son til Anders Nilsen på Vollen. Han kom seinare til Birkedal og kjøpte eit bruk der. Olaf N. Birkedal er hans sonesonson. Kvennekrogen er nå overgrodd med skog.

Utanom Urdalen og Vollen er det ikkje kjent andre plassar under Haaland.

#### MERKNADER

1. Etter Kr. Stalleland.
2. Sjå Haaland-ætta II.
3. Sjå Haaland-ætta.
4. Om Ole Engelsen og etterkomarane hans: sjå Grøslø-ætta.
5. Sjå Ørteland-ætta.
6. Sjå Væting-ætta.
7. Etter N. Igland.
8. Arnt Stensvand fortel: I juni 1879 forsvant en mand fra Haaland paa en mystisk maate. Det var Johan Svendsen gm Maren Olsdtr Birkedal. Han var reist til Birkedal for aa male en kornsekk og hadde faatt sekken ferdig i et taug til aa bære hjem, hadde forlatt den i kvernhuset, men kom ikke hjem. Trods den mest alvorlige og iherdige søkning fra folk i bygden, var det umulig aa finne ham igjen. Han var en dyktig arbeider og sat i gode kaar. Hustruen flyttet siden til gaarden Urdalen som ligger i nærheten. Stedet hvor Johan Svendsen bodde hette Øygarden og denne eiendommen fik sønnen Svend Johansen. Her var i alt 4 børn efter ham.
9. Etter N. Igland.

---

## IGLAND

Gnr 60

Igland hadde av gamalt ei skyld på 2½ hud. Garden er første gong nemnt i landskatten 1610. Då er Anders Egeland krone- og leiglendingsbonde. Han er nemnt også i 1617, då som Peder Eigelandt. I 1623 Peder Igeland. Han blir i 1628 kalla Peder Egelandt, men i 31 Iglannd. Peder var trulig son til Anders, for Peder har ein son som heiter Anders. Han er 12 år i 1664 og då steson til Kiddel Osulsen, som var gm Peder Andersens enke, Marte Rasmusdtr.<sup>1</sup>

Anders og Peder var leiglendingar. I 1624 står Ludtzie Andersdtr Hafstad som eigar av 5 gsk, halve garden. Hvem som då åtte resten, veit me ikkje, men godset var då sikkert på utanbygds hender.

I 1645 er på garden Peder og hans quinde, to piger Gunni og Guri. I 1647 står Hans Messel og Arne Flesie som eigarar av hver 5 gsk, i 1651 Dorette Løffuold og Gram Mæssel, 1650 Barbara Messel og Arne Flesies arvinger. Frå 1652 til 57 leiger Peder av Gram Mæsel og dei andre. Men i 1657 er Kiddel Igeland komen til garden, nemnt under kvegskatten det året.<sup>2</sup> Same året står han oppført som brukar av ½ hud i «Epeland i Raabøigdelauget» og som eigar av 1 hud, her nemnt Epeland i Omlı sogn. Året etter makeskifter han godset sitt i Eppeland 3 gsk med halve Igland 5 gsk.

Eigarar var då Kristen Thommesen Asdal og Peder Pedersen Rød-eie i Øyestad. Kittel betalar 90 rdl i mellom. Han brukar nå heile garden, men Gram Mæsel eig halve garden i 68 og 74.

På Igland kan ein nå fylgje same ætta frå 1650-åra til nå. Garden har gått i arv frå eldste son til eldste son gjennom 300 år. Aasulv Kjetilsen fekk samla heile garden 2½ hud. Han står oppført som eigar i 1701 og i matr 1706 då han betalar 8 rd 28 sk i skatt.


I 1729 delte Osul Kittelsen garden mellom sønene Nils og Kittel. Dei budde under same tak, og sætehusa hadde dei saman på Igland i nærare hundre år. Først i 1822 bygde soneson til Kittel, som au heitte Kittel Osulsen, nye hus på sitt bruk. Desse hus var dobbelt høge og enkelt breie og dei stod i 100 år, til Kittel Eivensen i 1922 bygde nye sætehus. Farfar hans, Kittel Aslaksen Vehus frå Åmli kjøpte Kittel Osulsens bruk i 1848, og Kittel Osulsen og sonen hans fór til Amerika. Dei eldste hus på Igland stod delvis heilt til 1892 då Nils Igland bygde nye hus på garden, bnr 2.

### *Eigarar og brukarar gjennom 300 år.*

Ca. 1650(1658)—1685 Kittel Osulsen

« 1685—1729 Osul Kittelsen

(Garden delt mellom sønene til Osul.)



*Igländ med Birkedal inst i dalen.*

*Bnr 1.*

1729—1759 Kittel Osulsen  
 1759—1792 Osul Kittelsen  
 1792—1807 Maren Johannesdtr, enke etter Osul, gm  
 Kristen Osmundsen Skogtveit  
 1807—1848 Kittel Osulsen  
 1848—1891 Kittel Aslaksen  
 1891—1904 Eiven Kittelsen  
 1904—1914 Helene Knudsdtr, enke etter Eiven  
 1914— Kittel E. Igländ.

Bnr 1 har nå skyld mk 6.62. I 1956 blei fråskild ein parsel, Sørli av skyld 5 øre.

*Bnr 2 skyld mk 6.74.*

1729—1755 Nils Aasulsen  
 1755—1795 Peder Nilsen  
 1795—1834 Nils Pedersen d.e.

1834—1840 Peder Nilsen  
 1840—1854 Torborg Hansdtr enke etter Peder  
 1854—1898 Nils P. Igländ.

Nils Igländ døde 1898 og eldste sonen Per same året. Garden gjekk ved sk 1900 over til Per Igländs bu og blei overtatt av Nils P. Igländ. Heimelsovergangen er først tinglese 1955.

*Gardverd og pengeverd gjennom 200 år.*

Ved heimelsovergangen i 1955 er bnr 2 sett i ein verdi av 54 000 kr. Då Nils Aasulsen, tippoldefar til den nåverande eigars bestefar, gav over same garden i 1755, blei kalvskinnset i 10 rd eller 160 rd for heile bruket. Men det er vel trulig at gardverdet blei sett så lågt

for å få mindre skiftekostnad, for bare fire år etter er det skifte på det andre bruket som Kittel Aasulsen åtte. Garden blir der sett i 270 rd. Så stig prisane litt etter litt. I 1762 løyser Kittel Aasulsen inn 5½ ksk i sitt bruk for 99 rd. Og i 1805 får Kittel Osulsen, sonesonen, utløysingssk på 5 ksk for 150 rd, eller dobbelt så mykje pr. kalvskinn som femti år tidligare. Heile bruket blei i 1792 verdsett til 450 rd, dvs. 30 rd for kalvskinnet, eller det same som i 1805. Kittel sel garden i 1848 for 1100 spd. I 1891 er løysingssummen for dette bruket (bnr 1) 14 140 kr., og det same, 14 000 kr., i 1914.

Når det gjeld bnr 2 ser me at Nils Pedersen d.e. i 1795 kjøper 9 ksk for 198 rd. I 1834 blir 9 ksk ( $\frac{3}{5}$  av garden med same part i husa), kvenn, vadmelsstampe og  $\frac{1}{4}$  i Haalands priv. sag verdsett til 650 spd, og i 1844 blir heile bruket sett i 1000 spd ved overdraging til Torborg Hansdtr. I 1872 er garden sett i 1200 spd, og i 1900 til 16 800 kr.

«Af Bestefars Papirer».

Under denne overskrift har stortingsmann Nils Igland ei rekke notat om garden, om bruksting som er kjøpt, om dyrking av jord mv. Me tar eit utdrag her med dei merknader N. Igland har gjort, trulig skrive i 1890-åra.

I 1809 opryddes myrer paa Sjaaheia til slaatte i 5 dage. 1811 blev Rønningkjær opdiget og saaet paa og i 1812 blev løen ved Kjærboorskjen færdigbygget (i 2 aar 44 dages arbeide). 1817 blev løen paa Sjaaheia færdig og samme aar blev anlagt potetgrov i Storaasbrødet. 1818 blev Haalandskjær opdiget, 182 favne. Siden blev det blot saaet talle paa. 1821 Skihaven opbrudt. Den blev senere bortbyttet med Kittel. 1822 stampemøllen bygget. Kasseret i min tid. 1821: En kaalhakke kjøbt. Er her endnu. I det aar kostede begge Iglandene et fælles gjærde fra «Skoren til Høllen». 1826: En smidje opmuret. Den stod under bakken søndenfor Haven. Kasseret i min tid og tomten med omgivelser gjort til aager. 1828 blev sommerfjøset vestenfor vandet flyttet did det nu staar. Før stod det paa sydvestsiden av Bøiger-

bækhaven, nær potetgroven. 1829, 30 og 31 blev noget av Storaasbrødet opbrudt. Før var der hvor Haalandsaager nu er, blot et par smaa agre. 1830: En stue tømret af nyt. Dens vægge staar nu som kubber i Rodalshusene. 1832 og 33 blev noget opbrudt paa Rønningsvold. Dette var en liden langstrakt firkant midt paa volden. Resten er opbrudt af mig. Rønningsløa stod paa den volden.

Vidare heiter det m. a.:

Jeg kan ikke forstaa andet end at Bestefar i 1815 tilsaade 35 forskjellige agre. Deres navne var: Bøigerbakhaven og Hollebækhaven (vestenfor vandet), Store Vasaager, Bekaager, Støaager, Eineraager, Badstuaager, Aabaalhøgen, Rennehavaager, Sandaager, Tveraager, Aaspaager, Bjørkaager, Teinelavskaara (opbrudt 1809), Kulkjelhoug, Røisenden, Støvleaager, Feddeskrulhaven, Storaashou, Rønningen, Næbetrødugen, Kulkjelaager, Dugen paa Bakken, Krogaager, Ertaager, Kiddelsaager, Lyngskaara, Potethou, Steinhøen, Fjeldaager, Storehou, Seljaager, Egaager, Stuaager, Kjelaager.

Senere nævnes 11 andre aagre nemlig: Rugaager, Lille hampaager, Lille-Vasaager, Linaager, Tonaager, Klova, Badstuhaven, Stuetofte og Snippen.

Av namna ser me at dei dyrka lin og neper, me får vita at dei dyrka kål og at dei bygde stampe, rydda slåtter og dika opp myrer og bygde løer, at dei dreiv med smiing og hadde badstove. Sjølvhjelpne måtte dei vere i alt.

*Då dei selde «soul» for 1100 dalar eit år.*

Om dei var sjøllberga med det meste, var det alltid noe dei laut kjøpe. Hva kunde dei så vende av garden. Om dette har me frå Igland samanhengande oppskrifter for åra 1796—1833 etter Nils Igland d.e. Det som dei har seld er: 1. Trælast. 2. Kreatur. 3. Soul. Det siste er vel helst smør. Her får me eit talande prov for den store inflasjonen i pengeverdet i åra 1810—18. Det ser ut til at 1817 er det store toppåret. For då sel dei trelast for 5365 dl, krettur for 1100 og «soul» for 1108 dl.

Nils Igland har omrekna verdien til spesi-dalar for inflasjonsåra og kome til at dei i medel leverte trelast for 118 spd, krettur for 16 og saul for 12 spd til året i dei 37 år det er oppgave for.

Nils Igland har liknande rekneskap for det han selde av skogen i 41 år, frå 1853 til 94. Første året selde han til Aanon Frivoll eit skogstykke mellom Kjerkemyrane og Haalandskjær for 630 spd eller omrekna 2520 kr. Ein kan og her fylgje konjunktursvingningane, med eit høgdepunkt i salget i 1870 då han sel for 3134 kr. I 80-åra då det er ringe prisar, går salget sterkt ned. I alt har han i dei 41 år seld for kr. 37 760.61. Av fjøset har han i åra 1857—95 seld for kr. 154.93 i medel til året.

*Buskap, utsåd og avling gjennom 200 år.*

Etter matriklar og skattelister har me desse oppgavene:

	Utsåd tn	Avling tn	H	N	S	G	Merknad
1668	5		1	16	20		20 smaler
1723	6		2	12	15	15	
1792	7½	38					
1867	7	31	2	14	20		

I 1792 er utsåden oppgitt til ½ tn rug med avling 2 tn, resten bygg. Dessutan har dei då tatt til å dyrke poteter, 1 tn uts. og avling 8 tn. I 1867 dyrker dei havre og bygg, ikkje rug. Utsåd av bygg 6 tn, avling 26 tn, resten havre. Av poteter set dei då 7 tn med pårekna avling 44 tn. Det er oppgitt lik utsåd og avling for dei to bruk. Kittel Aslaksens bruk har 30 mål dyrka, middels sandjord og en stor del myr. Nils har 32 mål, temmelig mager sandjord, noget myr. Av naturlig eng er det på Kittels bruk: 1 maal god stee, og hos Nils: 3 maal i bratte bakker og myr. Elles er det utslåtte til 22 lass på hvert bruk. Høyavlinga på hvert bruk 70 skp. Havnegang ubekvem, middels god og omtrent tilstrækkelig. Garden blir karakterisert som tungbrukt og frostlendt. Besværlig adkomst til vei og omtrent 2¼ mil til Grimstad.

Nettoen av skogen blir sett til 49 spd årlig for hvert bruk, eller ikkje fullt 200 kr. Me ser av Nils Iglands rekneskap at han det året selde for kr. 1483.67. Dette er brutto, men likevel må nok den nettoen som er sett vere låg. Etter matr 1668 er der bare skouff til husbehouff og i 1723: skov til smaalast og husbehov. Igland betalte i 1668 i korntiend 1½ tn 1½ notting. I 1723 blir garden karakterisert som lettvent, men karakteristikken frå 1867 er vel meir realistisk.

Dette med «besværlig adkomst» var i alle fall sikkert. Men i 1892 hadde dei fått veg til garden. Då fekk Nils Igland ei helsing frå sin gamle ven Torjus Hanssen der det m. a. heiter:

Aa komme te Igland i framfaren ti  
de va naa eit stræv uden lige,  
paa steina i pytten du titt maatte gli  
aa bratteste fjellryggen stige.

Der va ingen vei i fraa Landvig aa did,  
ein maatte i steinura krabbe.  
Aa naa de va mørkt som dei sa i ei hid,  
de va ikkje godt der aa labbe.

Naa farer du veien saa fin aa saa grei  
te ting aa te by aa te kjerke  
i gig aa karjol aa i trille — aa hei  
du kan sagtig framgangen merke.

*Husmannsplasser.*

Dei veit bare om ein plass under Igland. I 1841 fester Torborg Hansdtr til Tellef Tellef-sen Birkedal «en plads under d.g. (Igland) der indbefatter Store og Lille Hestemyr, Groliene m. v. for 7 spd aarlig avgift». Tellef og huslyden hans — kona heitte Berte Nilsdtr — budde i Hestemyr i sju år. I 1847 kjøpte han 4 ksk i Birkedal og flytta frå plassen, som då blei nedlagd.

*MERKNADER*

1. Etter N. Igland.
2. Sjø Igland-ætta.

## BIRKEDAL

Gnr 61

Birkedal — eller Bårkedal som bygdeuttalen er — var frå gammalt av største garden i Øvre Landvik med skyld 4 huder og såleis rekna som fullgard. Her lengst oppe i Haalandsdalen ved «Borkaa» der dalen jamnar seg ut til ei vidare slette, har nok rydningsmenn tidlig slått seg ned. Fornfunn vitnar om det. Og folksamt har det vore. Alt i 1660-åra var det sju brukarar på garden. Dei har rydda og dyrka, endå vilkåret for åkerbruk ikkje var det beste. I 1668 er det oppgitt at dei kan så 8 tn. I 1723 er dette auka til 14 tn, endå det heitte: Frostnemt saa opsidderne undertiden næppe skal faa til frækorn. Det er oppgitt at garden då kan fø 5 hestar, 30 naut, 39 sauer og 33 geiter, mot i 1668: 24 naut, 3 hestar, 30 «smaler». Me må vel gå ut frå at oppgava frå 1723 er i høgste laget, men lensmann Brøndum kjem i sitt «siælemandtal» i 1792 opp i ein utsåd på  $19\frac{1}{4}$  tn bygg,  $\frac{1}{4}$  tn rug og  $1\frac{3}{4}$  tn poteter. Det var då 8 brukarar på garden. Matr.kommisjonen i 1867 reknar med ein utsåd på  $8\frac{3}{4}$  tn bygg og  $15\frac{1}{2}$  tn poteter, men det er visst au i meste laget, for oppgava frå 1875 syner: kveite  $\frac{5}{24}$ , bygg  $7\frac{3}{4}$ , havre  $1\frac{1}{8}$  og poteter 12 tn. Buskopen er 1867 ført opp med 19 naut, 44 sauer og 4 hestar, men i 1875 er der: 4 hestar, 21 kyr, 2 ungdyr, 54 sauer og 3 svin. Og på eit av bruka er det då ikkje husdyr.

Det var i 1867 i alt  $117\frac{1}{2}$  mål dyrka mark til garden og dyrkinga har halde fram. Ei oppgave frå 1956 syner ei samla dyrka jordvidd på 141 dekar, delt på 5 bruk. Og dei har til saman 4600 mål produktiv skog, så skogen har då sjølvsagt vore ein viktig del av næringsgrunnlaget ned gjennom tidene. I 1867 blei det rekna at skogen kunne gje for vel 151 rpd netto til året. Nå er det nok andre tal å rekna med!

### *Dei gamle på Birkedal.*

I gamal tid var det ei heil grend her nord i Haalandsdalen, ei grend som strekte seg frå Sandane nord for Sandevatnet i sør til Kolland ved Kollandsvatnet i nord. Og garden var som nemnt mangbølt på 1600-talet. Me møter ei mengd med namn. Manntalet i 1664 har som åsittarar: Gro Rasmusdaatter (seinare Gunner Knudsen), Johannes Halvorsen 54 år, Joen Asbiørnsen 60, Anders Anonsen 50, Anders Pedersen 52 og Torgrim Christensen 54 år. Der er au husmennene Nils Rasmussen og Iffuer Jensen 40 år. Går me tilbake til 1645 finn me att Anders, Johannes og Jon. Der er då au Rasmus og Torgier, i 1657 skreive Torgenn og trulig den same som Torgrim seinare. Alle desse er nemnt med «quinde». Der er og ei Gunvor (Gunnduord) som er brukar.

Det er ikkje så endefram å finne ut av alle

desse namn, men går me tilbake til odelsjorboka i 1624 finn me der at Halvor Steenersen og broren Gunder eig 1 hud odelsgods i garden og Aanon Torgiersen med sine brødre 1 hud. Og her har me opphavet til dei to ættene som skil seg ut, Torgeir-ætta<sup>1</sup> på Austre og Steinor-ætta på Vestre Birkedal.<sup>2</sup> Av ei odels-sak frå 1728 får me greie på at Aanon hadde brørne Rasmus og Asbjørn. Rasmus er då far-bror og Jon søskenbarn til Anders Aanonsen. I 1645 står Annon Birkedal oppført som eigar av 1½ hud 1 gsk eller halve Birkedal, som då skyldte 3½ hud. Anders med sine søsken eig dette (7 gsk) i 1647. Rasmus har 1 gsk og Jon 1 gsk. Det er såleis klart at dei på Austre Birkedal har fått kjøp på det som tidligare var på framande hender. Gunvor, ho som er nemnt i 1645, eig og brukar med si søster 1 gsk, medan Johan (Johannes) på Vestre Birkedal eig og brukar 3 gsk og leiger av Sjur (Siguoert) Røyneland og Omund Hundland 1 gsk.

Me har her dei som er nemnt i 1664, unna-tatt Torgrim Christensen og Anders Pedersen. Dei sat hver med 1 gsk i 1657. Då hadde Anders aleine 5½ ksk, Johannes 1 hud (4 gsk), Jon 1 gsk og Aasull 1½ gsk. Han heitte Aasul Rasmussen og faren måtte betale bot for han då han ikkje møtte til hertenest i 1658. Han reiste nok frå garden, for i 1661 står Olle Rasmussen som eigar av dei 1½ gsk. Fylgjer me jordegodset vidare, finn me at Anders Pedersen nok sat på Sandane og Torgrim i Rughaven, Johannes Halvorsens bruk er blitt bruksnr 3 og 4 nå. Rasmusgodset er bnr 7 nå, Jons bruk (Asbjørns) det seinare bnr 6, som nå er slått saman med bnr 2. Bnr 1 og 2 er gått ut frå bruket til Anders Aanonsen. Til bnr 2 er lagt til både det som Jon sat med og Rughaven.

#### *Garddeling og bruksdeling.*

Me kan ikkje her i detalj gjere greie for det puslespelet det har vore å sette saman bitane

av eigarsoga for Birkedal til me kjem fram til det resultat som er nemnt ovanfor. Det har vore mykje eigarskifte og auksjonshamaren har vore i sving så mang ein gong. Det ser me av pantebøkene og det veit au tradisjonen å fortelje om. N. Igland skriv i sine oppteikningar om Birkedal (skreve 1895?): «Den nulevende olding Tellef Tellefsen 88 aar kan gjerne fortelle en hel bog fuld om B. Der er ikke et eneste av de mange brug (uden maaske det lille saakaldte Tallaks brug Bno 6) uden det en gang fra sin eier er bleven bortsolgt ved tvangsauksjon. Begge de østre brug Bno 1—2 blev saaledes samtidig solgt (omkr. 1770). Bno 2 kom dog tilbage til familien idet en slægtning fra Haugebu kjøbte den til myndlingen Peder Torjusen, men Bno 1 kom i fremmede hænder. Bno 3, Øvens, solgtes bort fra Ole Pedersen omkr. 1780. Hans fader, Peder Olsen, gaardens forrige eier, var bekjendt som streng og umedgjørlig i naboskabet. Brugene no 6 og 7 har en gang været et, men blev delt mellem tre søskende, naar dette skede, vides ikke, men det er vist længe siden. Ruhaven har været en fraskilt søsterlod. Til bruget hørte en del aager ind i gaarden. Kaalland er fraskilt bno 4 paa samme maade.»

Me skal nå sjå litt på dei enkelte bruk med eigar- og brukarrekke ned gjennom tidene og tar då til med

#### *«Andersbruket» (bnr 1 og 2).*

Me såg at Anders Aanonsen åtte 5½ gsk i 1657. I 1668 er dette sett opp til 5 gsk 2<sup>1</sup>/<sub>7</sub> ksk. Skyldet blei auka med <sup>1</sup>/<sub>7</sub>. Seinare opp-gaver har 1 hud 5 ksk eller 17 ksk. Torgius var brukar av dette godset i 1668. Anders er i 1674 kalla store Anders og han er då ført som eigar «med sine born». Store Anders døde i 1699 — 84 år gl. Kona hans heitte Gunvor. Det er ikkje funne skifte etter dei, men Torjus Andersøn som var 60 år i 1701 og brukte dei

17 ksk må vere sonen. Alt då hadde det nok gått heller mykje ut for dei på Austre Birkedal, for Torjus er i 1706 bare brukar av garden. Han pantsette 1 hud i 1703 til Lars Terchelsen Lindtveit, og hans arvingar åtte dette godset ved sk etter Torjus som døde i 1710. I 1715 byd Anders Andersen Gjømle i Kragerø og Anders Pedersen Steene ut til odelsløysing 1 hud 4 ksk som dei har fått utlagt i garden ved sk etter Jacob Torgiussen. Ved sk etter Torjus og kona Børrild Christensdtr i 1714 var det lausøyre for vel 30 rd og nettoen blei bare 6½ dl, så Jakob hadde vel ikkje stort å løyse med han heller.

Jakob var f kring 1669 og var brukar i 1711. Han var 1. gong gm Gunhild Markusdtr frå V. Birkedal. Skifte etter han er ikkje funne. Men garden blei nok delt då han døde. Han står oppført som brukar av 8½ ksk i 1723, men det måtte vere enka som då sat med garden. Eldste sonen, Anders, var f 1704. Bror til Jakob, Peder Torjusen var 26 år i 1714 og då i hertenest. Han står au oppført som brukar av 8½ ksk i 1723. Det er oppført at hvert bruk kan så 2 tn og fø 1 hest, 4 naut, 3 sauer og 3 geiter.

Det er trulig kring 1720 at garden er delt, for då ser me at Peder Torjusen Øster Birkedal gir pant til Søren Jacobsen i Colbjørnsvig for 81 rd. Jakob og Peder hadde ein bror Ole som kom til Kolland. Han gifte seg med sin firmenning Øli Clemedsdtr Kolland, dotter til Clemmed Jonsen som rudde Kolland. Clemmed var son til Jon Asbjørnsen Birkedal.

#### Bnr 1.

Går me ut frå at Austre Birkedal blei delt i 1720, måtte det vere 2. kona til Jakob Torjusen, Aase Andersdtr, som sat med bruket. Me veit ikkje når ho døde. Det er heller ikkje funne skifte etter henne.

Anders Jakobsen vigde i 1730 med Targier

Olsdtr Ørteland og har då sikkert overtatt garden, trulig noe før. Anders døde i 1762 og det levde 8 born etter han, 4 gutar og 4 jenter. Noen annan rikdom enn ein stor barneflokk hadde heller ikkje han samla seg. Eiga hans var brutto 129 rd, heri medrekna 5 ksk i B for 60 rd, men nettoen i buet var bare 2 rd.

Den eldste av sønene, Jakob Andersen, var 28 år ved sk i 1763. Han vigde i 1765 med Guro Osulsdtr Øye og dei overtok nok bruket. Ein bror, Daniel, hadde au noe i Birkedal, men han selde i 1790 og flytta til Ausøya i Eide. Christen, ein tredje bror, kom til Metveitplassen og kom bort ved den store ulykka i 1791. Jakob fekk i 1786 skj av Rasmus Aasulsen Hunsdal på 5 ksk for 60 rd. Rasmus hadde til gode 30 rd ved sk etter faren og slo nok til seg dette godset då. Men for Jakob gjekk det nok bare den andre vegen. Han døde i 1787 og ved sk året etter var det lausøyre for 31½ rd og 8½ ksk i B, verdsett for 170 rd, men gjelda var 345½ dl! Alt går til auksjon. Lausøyra blir seld for 49½ rd og bruket for 200 rd. Kreditorane får altså ikkje sitt. Buskapen på bruket var bare 1 ku, «2de sauer eller faar», 2 lam, 2 geiter og 2 kje.

Eldste sonen, Anders, er 18 år ved sk etter faren. Farbroren, Christen Andersen, lyser på vegne av Anders i 1788 sin pengemangel til løysing av jordegodset som var selt ved auksjon same året. Men han greier nok ikkje å skaffe pengar og bruket går ut av ætta. Det var 4 gutar og 2 jenter etter Jakob og Guri. Og me veit ikkje hvor dei kom av.

Det var Torjus Knudsen Hørte, eller Torjus Knudsen Dolholt som han skreiv seg, som kjøpte bruket for 200 rd. Torjus og kona, Johanne Terkelsdtr Havstad, sat på Birkedal bare til 1792. Då selde Torjus til Daniel Tellefsen for 300 rd. Heri var medrekna det Anders Jacobsen skulle ha for odelsretten. Aasul Jakobsen, ein yngre bror til Anders, får kjøpe att



garden i 1797 for 328 rd, men han sel same året til Tellef Johnsen Liene for 450 rd. I 1810 makeskifte han gard med Omund Aanonsen Stie og flytta dit. Tellef var frå Birkenes.<sup>3</sup> Sonen John blei f på B. 1807.

Ommund Aanonsen og kona Gjertrud Knudsdr gav seg i 1818 i follaug til Ole Johnsen Hunsdal som ved testamente fekk garden, og han og kona Ingeborg Larsdr frå Metveit flytta då til. Ole Johnsen var av den gamle Steinor-ætta på Birkedal. Og eigarane av bnr 1 nå, Ellen og Marie Birkedal, kan då føre si farsætt i bein mannsline tilbake til dei gamle på Vestre Birkedal.

Det var tunge år for bøndene i 1820-åra og utover. Og Ole Johnsen blir fleire gonger stemna for gjeld. I 1819 kjøper han 3 ksk av Ole Danielsen for 200 spd. Han pantset dette året etter til Anders og Hans Dedekam for 225 spd. I 1832 er han to gonger i kommisjonen. Den 6. juli må han plikte seg til å betale kjøpmann Christian Pharo 35 spd 52 sk før Mikkelsdag, under Execution-tvang, som det heiter. Noen dagar etter er han stemna av kjøpmann Ebbel i Grømstad og må plikte seg til å betale vel 52 spd før hausten. I 1833 kjøper han Rughaven, men sel same dag til Aanon Aanonsen Toskedal. I 1834 pantset han 8½ ksk i garden til Jens Haaland for 100 spd. Neste gong er det Froland Jernverk. I 1837 må han plikte seg til å betale Froland Verk omlag 135 spd, at erlægge i kul! Då det er sk etter Ola i 1842 ,eig han 8½ ksk for 510 spd og 3 ksk for 204 spd, og lausøyre for 73 spd, men gjelda er 768 spd, så det blir bare vel 9 spd til deling. Den mindreaarige søn John Olsen, som det heiter (han var 22 år!) blir i 1843 utlagd dei 8½ ksk mot å løyse ut pant-havarane. Ingeborg Larsdr blir utlagd dei 3 ksk som eigentlig er 3<sup>2</sup>/<sub>5</sub> i Sandane (sjå lnr 147). I 1846 blir lnr 147 delt mellom part-havarane og Ingeborg Larsdr får utlagd 147 c.

Ho får auksjonsskj på dette i 1853 for 185 spd. Då Ingeborg Larsdr døde i 1862 fekk John denne eigedomen, men selde året etter til sin farbror Knud Johnsen Hunsdal 1<sup>3</sup>/<sub>5</sub> ksk for 199 spd. Dette fekk lnr 147 d, seinare bnr 5 av skyld mk 0.68. Ole Johnsen Birkedal kjøpte det tilbake av Knud i 1876 for 325 spd. I 1908 selde han bnr 5 til Fredrik Torbjørnsen for 2800 kr., men i 1911 kjøpte John Olsen det tilbake for 2900 kr. av Karen, enka etter Fredrik Torbjørnsen. Ole Johnsen fekk eigedomen av faren i 1928 og slo då bnr 5 saman med hovedbruket som han hadde fått skj på i 1908 for 9000 kr. I 1931 blei fråskild bnr 9 Sandene av skyld mk 0.65 til Gunhild Marie Birkedal, dotter til Ole Johnsen, som fekk denne eigedomen for 3000 kr. Ellen og Marie Birkedal fekk i 1942 skj på hovedbruket bnr 1, som nå har skyld mk 4.64. Marie selde bnr 9 i 1944 til Tormod Jørgensen Lunden (Tormod Birkedal) for 7000 kr.

Bnr 1 har 25 dékar dyrka mark og 900 dekar produktiv skog. Sætehusa er bygd i 1880, ut-husa 1865.

#### Bnr 2.

Dette bruket er som nemnt opphavlig halvparten av det gamle hovedbruket på Austre Birkedal. Peder Torjusen overtok trulig i 1720. Ved seinare skyldsetting fekk dette bruket lnr 145, bnr 1 hadde lnr 144. Det gamle skyld var 8½ ksk. Peder gjekk gjennom isen på «Smeddet-vandet» i 1743. Det heiter i skiftet at garden var pantsett, men dei har brukt han mot å betale skatter og avgifter. Av lausøyre hadde Peder for 50 rd, men gjelda var 68, så det stod ikkje så rart til på dette bruket heller. Enka, Gunvor Andersdr som var frå Bjørkos, sat nok med garden ei tid framover. Ho døde i 1752. Sonen, Torjus, var 19 år ved skiftet. Men Terkel Svenningsen, som var gm søstera Guro var der ei tid etter. Dei flytta til Hau-

gebu. Dit kom også ei onnor av jentene. Ho var gm Hans Olsen Ørteland som og kjøpte eit bruk i Haugebu. Torjus var nok borte frå garden til han i 1761 av Rasmus Aasulsen Hunsdal får overdrege bruket for 100 rd. Rasmus hadde au som nemnt pant i bnr 1. Torjus var gm ei som heitte Inger Larsdtr. Han hadde kanskje fått noe medel med henne, for ved sk i 1769 etter Torjus åtte han for 270 rd, heri medrekna  $8\frac{1}{2}$  ksk i B. for 170 rd. Nettoen var 168 rd. Han åtte au  $\frac{1}{8}$  i Birkedals saug, verdsett til 8 rd. Buskapen var hest, 3 kyr, 6 sauer, 5 geiter, eit par verar og noen kje.

Sonen Peder var bare 2 år då faren døde. Inger Larsdtr vigde oppatt med Tellef Guttormsen. Ved sk etter Inger i 1788 sat dei med  $5\frac{1}{4}$  ksk i B. verdsett for 106 rd. Lausøyre for bare 16 rd, men gjelda var 230 rd. M. a. hadde Frolands Verk til gode 78 rd og Peder Terkelsen Haugebu 100 rd.

Tellef og Inger hadde sonen Torjus som var 18 år ved skiftet. Torjus kom til Ruhaven, men måtte gå frå dette bruket og døde som legdsman i 1851. Peder Terkelsen Haugebu fekk dei  $5\frac{1}{4}$  ksk i garden for auksjonsbod 106 rd i 1788. Han sel i 1794 til Peder Torjusen for 99 rd. Peder Terkelsen var altså den slektningen frå Haugebu som Igland nemner og søskenbarn til Peder Torjusen.

Peder Torjusen vigde i 1790 med Ane Torbjørnsdtr Staune og var nok alt då brukar av garden. Dei greidde seg visst tolleg godt på garden, men sat i stor gjeld. Då Peder døde i 1824 hadde dei lausøyre for  $113\frac{1}{2}$  spd. To ksk blei sett av til «fledføring» for Ane. Resten,  $6\frac{1}{2}$  ksk med hus, blei sett i 450 spd. Peder hadde eit «qværnebrug» som blei sett i 15 spd. Innskot i Norges Bank 5 spd. Tilsaman  $603\frac{1}{2}$  spd, men gjelda var 538 spd, og når skifte-kostnad var dregen frå, var nettoen bare  $57\frac{1}{2}$  spd. Buskapen var 1 hest, 1 ku og 1 kvige,

1 stut og 8 sauer. Av det dei elles hadde, kan nemnast et 8-dags uhr med hus 8 spd. Av sølv var det 1 par gl. sølvskospenner og 1 par knespenner 3 rd.

Ane gav seg i follaug til sonen Torjus Peder- sen i 1828. Han fekk då dei 2 ksk i garden. Torjus vigde med Berte Kiddelsdtr Igland. I 1836 selde han plassen «Kjærrane» til Aanon Aanonsen for 100 spd. Kjærrane blei utskild i 1838 og skyldsett for 19 skill eller  $19\frac{1}{26}$  ksk gl. skyld. I 1839 selde så Peder garden til Aanon Aanonsen Toskedal for 595 spd og flytta til Hesnes. Han fór sidan med kone og born til Amerika.

Aanon Aanonsen Toskedal gm Ane Johnsdtr Haaland selde Toskedal det året han kjøpte av Torjus. I 1833 hadde han kjøpt Ruhaven. Einaste sonen som vaks opp, han heitte au Aanon, døde i 1843 — 21 år gl. Aanon fraus i hel på Sundle i 1850. Einaste dottera, Aase Johanne, vigde med lærar Eilev Gundersen som var frå Engenes i Åmli. I 1854 selde dei garden til Knud Madsen Aamli frå Herefoss for 1200 spd og flytta til Lerestveit i Ø., seinare til U.S.A. Det var det gamle hovedbruket lnr 145 a og Ruhaven lnr 150 Knud kjøpte. I 1863 gjekk garden over til Aanon Terjesen Sundtjønn som var gm Elen Knudsdr.<sup>4</sup> Knud Aanonsen fekk garden i 1890 etter Elen som hadde sete med garden sidan 1880. I 1932 fekk så Aanon K. Birkedal skj for 56 000 kr. Året før hadde han kjøpt bnr 6 av Terje Aanonsen for 3000 kr. Han slo nå bnr 6 saman med hovedbruket. Plassen Kjerrane som nok var gått tilbake til garden, selde han i 1942 til Martinius Hunsdal, Toskardal, for 1000 kr. Blei utskild med skyld 30 øre og fekk bnr 10.

Bnr 2 som nå har skyld mk 6.56, har 25 dekar dyrka mark og 1300 dekar produktiv skog. Sætehusa på garden er bygd i 1896, modernisert 1952.

*Plassen Kjerrane*

som er nemnt ovanfor, ligg bare eit lite stykke ovanfor Hunsdal, og er eit stykke på omlag 100 mål som nå er lagd til Toskedal. Det var trulig Aanon Aanonsen som rydda denne plassen. I 1827 vigde Aanon Aanonsen Birkedal som då var 23 år med Inger Pedersdtr Birkedal. Me veit ikkje hvor Aanon kom frå, men Inger var søster til Torjus Pedersen, den siste av den gamle ætta på Austre Birkedal. Aanon Aanonsen Kjerrane pantset i 1836 eit ksk i B. for 100 spd. Same dag er det tinglyst at Torjus Pedersen har selt til Aanon Aanonsen plassen Kjerrane for 100 spd. Så det er nok heilt sikkert at Aanon og Inger budde der. Dei hadde borna Aanon f 1827, Peder 30 og Anders 35. Aanon flytta til Fjære i 52, Peder i 71. Anders reiste til Amerika i 58. Og i 1856 selde så Aanon til Guttorm Tellefsen Sneløs for 150 spd. Og Aanon og kona flytta nok då frå Kjerrane.<sup>5</sup>

*Halvor-bruket* (bnr 3 og 4).

Halvor Steenersen sat som nemnt på Vestre Birkedal. Han er nemnt frå 1610 og utover til 1626. Og han åtte 1 hud i garden. Sonen Johan eller Johannes Halvorsen som var f ca 1610, hadde garden etter Halvor, i 1668 sett opp i skyld til 1 hud 2 ksk. Johannes var gm Ingeri Pedersdtr, trulig dotter til Peder på Hørte, og med henne fekk han jord i Hunsdal. Han hadde to søner, Markus og Berulv. Berulv kom til Hunsdal, Markus fekk Birkedal då foreldra gav over i 1692. Men Markus, som då var 60 år, hadde nok brukt garden før den tid. To søstre blei gift og budde på Birkedal, ei kom til Kolland.

Markus hadde ingen søner. Eldste dottera, Ane, var gm Gunder Knudsen Oveland. Dei budde på Birkedal. Ei yngre søster var gm Jakob Torjusen på Austre B. Gunder Knudsen døde i 1694. Ane og Gunder hadde ei dotter

Aase som i 1709 vigde med Ole Pedersen Ringestøl, og det var dei som kom til å overta på Birkedal. Markus brukte garden 1 h 2 ksk i 1706, og var då eigar av 7½ ksk. I 1711 er «Olle» åsittar og har nok då overtatt garden. Ola var av den gamle Gauslaa-ætta. Faren, Peder Ringestøl, var ein av dei mange sønene til Halvor Kjetilsen Gauslaa.<sup>6</sup> Ole Pedersen brukte 9 ksk i 1723. Daniel Salvesen, som var gm faster til Aase, hadde nok fått 2 ksk (sjå bnr 7) og Iver Andersen på Sandane som var gm fastera Mette hadde fått 3 ksk. Dei 2 ksk gjekk seinare tilbake til hovedbruket. Peder Olsen, som i 1748 vigde med Gunløv Tellefsdtr Naxbie sat med 11 ksk i garden.

Peder sat betre i det enn dei andre på Birkedal i den tida. Ved sk etter kona i 1766 åtte han 11 ksk i garden og hadde lausøyre for 74 rd. Gjelda var 47 rd. På garden var det då 1 hest, 6 kyr, 1 kvie, 4 sauer og 4 geiter. Peder åtte  $\frac{5}{12}$  i Birchedahls upriviligerede saug, verdsett for 10 rd. Det var Peder som ifylgje N. Igland var så streng i naboskapet. I 1784 27/9 «har Peder Olsen Birkedal utstædt sin aasædes Bestemmelse hvorved hans ældste søn skal være løsningsberettiget til 6 ksk (hans navn er Ole Pedersen), og hans yngste søn Markus Pedersen til 5 ksk, med proportioneret andel i huse og herligheder». Ole har arva  $1\frac{3}{8}$  ksk i garden og får skj på resten for 115½ rd. Markus får sitt for 125 rd. Peder døde i 1793 — 75 år gl. Det Ole fekk, var det seinare bnr 3, Markus fekk bnr 4. Ei søster, Aase Pedersdtr, blei gm Anders Nilsen Haaland. Ho kom tilbake til Birkedal (bnr 4) og var mor til Olav N. Birkedals oldefar.

*Bnr 3.*

Ole Pedersen døde alt i 1788 — bare 44 år gl. Han var gm Ingeborg Johannesdtr Lunden og dei hadde bare ei dotter som levde opp. Ved sk i 1788 blei 6 ksk i B. verdsett til 120

rd og det var då netto 37½ rd. Men Ingeborg selde garden i 1790 til Jens Øvensen Bærelid for 332 rd, og dermed går denne garden ut av ætta.

Jens skulle vere ein gaverik mann og ikkje så lite skrivekunnig.<sup>7</sup> Sonen hans, Øven — eller Auen som dei sa — som var f på B. i 1793, var 2. stortingsmann frå Nedenes i 1824. Det var sterke folk. Farfaren, som og heitte Auen, døde på B. i 1808 — 91 år gl. Øven Jensen døde i 1881 — 88 år gl. Han vigde i 1819 med Siri Osulsdtr Salveskjønn og kjøpte same året 1½ ksk av lnr 147, Sandane. Dette blei utskild i 1846 og lagd til hovedbruket. I 1833 kjøpte han eit bruk i Gusdal, men selde dette same året til ein slektning frå Bereli. I 1834 fekk han så kjøp på halvparten av det bruket som Markus Pedersen fekk i 1784, eller 2½ ksk, som han betalte med 150 spd. Også dette blei utskild i 1846 (lnr 146 b) og lagd til hovedbruket, som med dette kom opp i 10 ksk gl skyld. I 1840 pantsatte han garden til Norges Bank for 400 spd. Han sat nok ikkje så godt i det, for i 1844 ser me at det blir halde eksekusjonsforretning etter krav frå C. Dede-kam for gjeld 105 spd.

Øven og Siri hadde bare ei dotter, Ingeborg. Ho blei gm Bernt Torjusen Rise og dei overtok garden. Bernt som då var flytta til ei dotter på Rise, selde garden i 1896 til eldste sonen, Auen, for 10 500 kr. Auen som var f 1851, bleiv 1897 under floting i Igland skog då ein stem sprang.<sup>8</sup> Lars Ommundsen Rise fekk skj på garden i 1900, men selde året etter til Ole Tobias Nilsen Topland for 11 000 kr. I 1916 kjøpte Kristen Tjønntvedt på Hesthagen garden saman med skipsreidar H. E. Hansen Tangen og lærar Chr. Brøvig, Kristiansand. Dei gav 42 000 kr. for bruket. I 1921 kjøpte Torjus Aresen Metveit, Anders Jomaas Metveit og Aanon K. Birkedal for 75 000 kr.

Det var nå på toppen av høgkonjunkturen.

Dei nye eigarane hogg sterkt i skogen, men fekk stort tap på grunn av sterkt fallande prisar. Aanon Birkedal selde i 1929 sin tredjepart til søstera Ingeborg for 10 000 kr. Same året kjøpte ho av Anders Metveit for 13 000 kr. og i 1933 av Torjus Metveit for 12 000 kr. Ingeborg Birkedal, som har vore mykje i Amerika, bygde i 1948 store nye uthus på garden, som har 41 da dyrka mark og 900 da produktiv skog. I 1953 sette ho opp drustelig sætehus i 2 høgder og grunnflate 120 kvm, så garden er blitt ein av dei best opphyste i Landvik. Stabbur er der. Og garasje i pakt med den nye tid.

#### Bnr 4.

Markus Pedersen fekk som nemnt 5 ksk ved garddelinga i 1784. I 1794 kjøpte han 1½ ksk av Sandane for 99 rd. Denne parten, lnr 147 b, blei først utskild i 1846. I 1808 selde Markus dei 6½ ksk til Terje Aasulsen Haaland for 1300 rd. Med i handelen ⅛ i Birkedal sag. Terje selde i 1810 til Torjus Aslaksen Senningtveit som då sat på Vollen, for 1450 rd. Torjus betalte 250 rd til Peder Markussen for odelsretten. Torjus var gm Aase Pedersdtr, søster til Markus, så garden blei i ætta. Då Torjus og Aase i 1831 gav opp sitt bu, blei bruket verdsett til 390 spd. Torjus fekk nok noe ugreie med svigersonen Kristoffer. Garden går til auksjon og Torjus kjøper att i 1832 for 200 spd.<sup>9</sup> Året etter sel han til Torjus Guttormsen Rosaasen, som i 1834 sel halve det gamle bruket 2½ ksk til Auen Jensen (sjå bnr 3). Torjus Guttormsen sel så resten, dei 4 ksk, same året til Torjus Aslaksen og Gunder Guttormsen Raanen, som var gm Anne Torjusdtr, også dette for 150 spd. Torjus og Aase gir seg så i follaug til Anne og Gunder. Torjus døde same året, Aase i 1837. Likfylgjet gjekk gjennom isen på Luetjønn, det var like før jul det året. Då bleiv Ole Halvorsen Birkedal

og Per Adamsen Skiftenes. Soleis fór dei med eitt lik og kom heimatt med 2, skriv Kr. Stalleland.<sup>10</sup>

Gunder og Anne sat nok heller hardt i det på det vesle bruket. I 1843 ser me at han låner 190 spd, og 80 spd i 1846 mot 2. pr. Gunder sel så i 1847 til Tellef Tellefsen Igland for 300 spd. Tellef var f på Birkedal i 1806 og dotterson av Tellef Guttormsen og Inger Larsdtr (sjå bnr 2). Tellef festa i 1841 plassen Hestemyr under Igland og budde der. Tellef får mot 2. pr. låne 190 spd av Kittel Igland for å greie kjøpet. Tellef var ein gjæs arbeidskar. I 1858 ser me at han har kvitta seg med gjelda til Igland.

Kr. Stalleland fortel: Telleiv arbeidde seg opp fraa husmann til gardeigar og det mykje paa kolddrifti som folk totte var ei armodsleg drift. Men han var og ein svær arbeidskar. Dreiv for J. Bang i Iglands skog. Drog det store bruket fram til vassdraget sjølv. Var god for hest altso. Sleit so Bang var reint forstøkt. Nils, sonen, var og ein slid og trottug arbeidsmann, hogg skipslast og timber. Dei laut tena noke utanum garden.

Nei, garden var nok ikkje så stor, men i 1875 fødde Tellef hest, 4 kyr og 13 sauer. Nils, som var f i 1830, fekk garden ved folaugskontrakt i 1881. Tellef døde i 1898 og blei såleis 92 år. Nils vigde i 1900 med Ane Kristine Olsdtr Kiland. Ho fekk uskiftebrev i 1914. I 1916 skreiv ho over bruket og bruksnr 5 Dalane i Hf. til sonen Tellef f 1901, for 6000 kr. Han overtok i 1923.

Bnr 4 har 15 da dyrka jord og 600 da produktiv skog. Skyld mk 1.80.

#### Bnr 6

er som nemnt nå slått saman med bnr 2. Det var eit av dei små bruk som var utskild tidlig på 1600-talet. Så vidt eg kan skyna var det dette bruket Jon Asbjørnsen hadde. Sonen hans,

Klemmet, var det som rудde Kolland. Enka Ane er eigar og brukar 1668 og 1674. Denne gardparten var opphavlig 1 gsk (3 ksk), men sett opp til  $3\frac{3}{7}$  ksk, i 1701 regulert til  $3\frac{2}{5}$  ksk. Og det skyldet hadde då bruket framover. Brukar i 1701 var Hans Olsen, 32 år. Han døde i 1721 — 54 år gl. Var gm Marthe Clemetsdtr Kolland. Dei hadde ikkje born. Hans var nok tilflyttar. Hadde søsken i Birkenes, Herefoss og Vegusdal.

Marthe Clemetsdtr vigde i 1722 oppatt med Tallak Halvorsen. Me veit ikkje hvor han kom frå. Ætt etter dei<sup>11</sup> sat på bnr 6 til Lars Tallaksen i 1849 selde til Eilev Gundersen Engenes (sjå bnr 3) for 350 spd. Både han og den eldre broren, Salve, som hadde lote gå frå bruket, reiste til Amerika same året.

Eilev selde i 1854 til Hans Olsen Tvedt for 300 spd (lnr 149). I 1860 får Ole Aslaksen Vehus auksjonsskj for 452 spd. Han sel 1873 til Osul Halvorsen Kiland for 700 spd. I 1880 får Aanon Terjesen Birkedal bruket for 2800 kr. I 1890 går bruket over til Terje Aanonsen for 3000 kr. og han sit med egedomen til 1931 då han sel til Aanon K. Birkedal for det same han hadde gitt i 1890. Aanon slår bnr 6 saman med bnr 2, sjå dette. Bnr 6 hadde skyld mk 1.59.

#### Bnr 7.

Bnr 7 nå, eigar Olav N. Birkedal, er tollig sikkert det gamle Rasmus-godset. Olle Rasmussen hadde  $1\frac{1}{2}$  gsk i 1661. Han er død før 1664. Då er Gro Rasmusdtr nemnt som åsittar, men ved det seinare mt Gunner Knudsen. Det er den same Gunner som tidligare er nemnt. Han var trulig først gm Gro Rasmusdtr. Hans og Aasul Ørteland eig  $3\frac{3}{7}$  ksk i 1668. Dette brukar Gunner. Christen eig og brukar  $3\frac{3}{7}$  ksk. Tidligare var dette tilsaman 6 ksk, altså noe meir enn det som Ola Rasmussen hadde i 1661. I 1674 eig borna til Salve Sneløs  $3\frac{3}{7}$

ksk, Hans og Aasul Ørteland og Gunder Birkedal «paa sin quindes veigne» eig det same. Gunder er så seinare blitt gm Ane Markusdtr. I 1701 er dette bruket gått over til Daniel Salvesen. Han er brukar av  $6\frac{4}{5}$  ksk, men det er trulig dei to partane som tidligare er nemnt. Noe regulering har det vore i skyldet. Dei bruk som hadde 1 gsk fekk ved revisjonen i 1668 ei skyld på  $3\frac{3}{7}$  ksk. Men seinare ser me mest at dei er ført med skyld  $3\frac{2}{5}$  ksk, slik som bnr 6.

Daniel Salvesen hadde ein son, Salve, men han døde i 1708 — 24 år gl. Daniel brukte i 1723 i alt  $8\frac{4}{5}$  ksk. Etter det me kan sjå var dei 2 ksk kome til frå Ole Pedersens bruk, men seinare gått tilbake dit. Daniel var gm Gunhild Johansdtr, søster til Markus Birkedal, og det var vel med henne han fekk til bruk dei 2 ksk. Daniel døde i 1724 — 59 år gl, Gunhild i 1726 — 71 år. Dei var barnlause. Arving etter Daniel er søstera Elen Salvesdtr. Det einaste me får vite om henne er at ho er gm «en gevorbene soldat». Daniel åtte lausøyre for 19 rd. Ikkje jord. Gunhild åtte ved sk  $2\frac{5}{6}$  ksk i garden.

Gunhild var søster til Berulv Johansen som kom til Hunsdal. Og det var nok Hunsdalsfolk som overtok dette bruket. Berulv Jonsen, soneson til Berulv d.e., er der i alle fall frå 1742 og utover til 1755. I 1761 overdrar han 1 gsk til halvbroren Halvor Jonsen for 30 rd «samt kjøbereren desuden forsyne sin moder Dorthes Madsdtr» heiter det. Halvor er der til han i 1776 sel dei 3 ksk til Anders Dedekam i Arendal for 87 rd 21 sk. Halvor var gm Maren Pedersdtr, dotter av Peder Torjusen. Ho døde i 1775 — 44 år gl.

Det var nok ei tid 2 brukarar på denne garden. I 1761, same året som Halvor Johnsen får skj på dei 3 ksk, får Daniel Andersen, ein bror til Jakob Andersen, skj på  $3\frac{3}{4}$  ksk i Vestre B. av Hans Olsen Haugebu for 62 rd.

Han vigde i 1766 med Gunhild Carlsdtr Bereli og dei budde på B. til 1780, då han selde dei  $3\frac{3}{7}$  ksk til Peder Nilsen Igland for 144 rd. Det heiter at Ole Olsen Kaaland protesterte mot dette salget, han hadde nok odelsrett. I 1785 kjøper så Peder Igland dei 3 ksk av madam Dedekam for 80 rd og har då heile bruket. Daniel flytta til Ausøya i Eide.

Osul Pedersen Igland sat på B. i 1792 og brukte  $6\frac{4}{5}$  ksk. Me ser at den gamle gardparten  $3\frac{3}{7}$  ksk også her er forandra. I 1797 selde han bruket til Halvor Salvesen Koveland for 450 rd og flytta til Grøslø som han hadde kjøpt. Halvor var gm Kari Olsdtr. Dei hadde ein son Salve som var 3 år i 1801. Ein son Ole f i 1801. Det var han som bleiv i Luetjønn i desember 1837. Halvor døde i 1836 — 71 år gl, Kari i 1845.

Salve Halvorsen overtok etter faren. Han var gm Gunnil Torjusdtr, dotter til Torjus Aslaksen. Dei fekk 4 born, men bare ei jente, Karen, levde opp. Det stod heller kleint til for dei. Då Gunnil døde i 1842 var det lausøyre for 9 spd. Og det Salve hadde i garden,  $4\frac{4}{5}$  ksk, blei seld for 336 spd på auksjon 1843. Halvor Aadnesen Kiland som var av same ætt, kjøpte bruket. Han selde året etter til Knud Halvorsen, bror til Salve, for same sumen. Knud tok mora, Kari Olsdtr, i follaug for resten av garden 2 ksk, verdsett til 150 spd. Knud greidde seg heller ikkje på garden, som blei seld på auksjon ein gong i 1850-åra.<sup>12</sup> Nils Andersen Haaland (Kvennekrogen) og sonen Anders kjøpte garden. Anders var på B. i 1857 då han vigde med Berte Terjesdtr Landstveit. Garden gjekk over til Aanon Nilsen, bror til Anders. Son til Aanon, Nils, som var f i Birkenes i 1868 døde 1909. I 1911 blei då garden ved sk etter Aanon Nilsen skj over til sonesonen Aanon Nilsen for 8400 kr. Då Aanon døde i 1915 fekk broren Ole Nilsen (Olav N. Birkedal) garden for 8000 kr., etter

at bnr 8 Haugene av skyld 35 øre var utskild og lagd til Hunsdal (Erling Nesbus bruk).

Bnr 7 har 42 da dyrka mark og 900 da produktiv skog. Sætehus bygd 1922, uthus 1926.

#### *Sandene*

er i 1711 nemnt som plass, men dei som sat der åtte jord i Birkedal. Iver Andersen var der i 1711. Då sonen gifter seg i 1714 er han skreven Anders Iversen Birkedal, men i 1730 då han gifte seg oppatt, Anders Ivorsøn Sandene. Far til Iver var nok Anders Pedersen som hadde 1 gsk i B. i 1660-åra og me kan gå ut frå at han sat på Sandene. Og ætt etter han hadde bruket til femte mann i ætta, Anders Thorsen, i 1790 selde til Aanon Pedersen Stie for 350 rd og flytta frå.<sup>13</sup> Bruket hadde gamalt skyld  $6\frac{2}{5}$  ksk som Aanon Pedersen brukte i 1792. Sådde  $\frac{1}{4}$  tn rug og 3 tn bygg.

Det var ikkje lenge Aanen var der. Alt i 1794 sel han bruket. Tellef Hansen får 3 ksk «i denne gaard Sandene kaldet» for 225 rd. Med dette fylgde nok sjølv hovedbruket, seinare lnr 147 c, og det var nok egentlig på  $3\frac{2}{5}$  ksk. Markus Pedersen kjøpte  $1\frac{1}{2}$  ksk for 99 rd (lnr 147 a) og Tallak Hansen  $1\frac{1}{2}$  ksk, også for 99 rd (lnr 147 b). Utskifting var det først i 1846 då dei utskilde partane fekk dei lnr som er nemnt.

Tellef Hansen og foreldra Hans Tellefsen og Tonje Gundersdtr var der i 1801. Tellef selde same året til Nils Osmundsen Stie for 370 rd og flytta til Rodalen. Nils var gm Ane Danielsdtr Toskedal. Dei selde til Ole Danielson Toskedal i 1807 for 850 rd og dei budde der då til Ole Johnsen Hunsdal kjøpte i 1819 for 200 spd. Sonesonen Ole Johnsen budde der til han fekk hovedbruket (bnr 1).

Som nemt under bnr 1 blei bnr 9 Sandene av skyld mk 0.65 i 1931 utskild frå hovedbruket, og i 1944 seld til Tormod Birkedal for 7000 kr.

#### *Ruhaven*

er au nemnt som plass i 1711. Der budde «en koene og toe piger». Det er ikkje svært opplysande. Men kona var nok Marthe Torgrimsdtr som i 1706 er oppført som brukar og proprietarie besidder av  $3\frac{2}{5}$  ksk i Birkedal, og me må gå ut frå at ho er dotter av Torgrim Christensen som er nemnt mellom dei gamle på B. Marthe døde i 1719 — 72 år gl. Anders Paalsen Haaland kjøpte nok bruket noe seinare. Han vigde i 1722 med Gjertru Olsdtr Birkedal, trulig ei søster av Mari Olsdtr som var gm Tallak Hansen. Christen Olsen Stalleland var bror hennar. Ved sk etter Gjertru i 1741 hadde Anders  $3\frac{2}{5}$  ksk i garden. Det svarar til den parten som Marthe og far hennar hadde hatt. Anders vigde oppatt i 1742 med Helje Tellisdtr Engebo. Ved sk etter Anders i 1754 hadde dei m. a. 4 kyr, 1 tjør, 3 sauer og 5 geiter i Ruhaven. Paal Andersen sat i Ruhaven etter faren. Han døde i 1797. Var gm Inger Aanonsdtr Toskedal. Dei hadde ikkje born. Inger vigde oppatt med Torjus Tellefsen, som var son til Tellef Guttormsen og Inger Larsdtr. Torjus fekk bruket i 1799 for 350 rd. Etter at Inger var død i 1825 gifte Torjus seg oppatt med Anne Pedersdtr. Dei hadde ei dotter Inger f 1828.

Torjus blei den siste bonden i Ruhaven. Han sat i stor gjeld. I 1833 gjekk bruket til auk-sjon og Ole Johnsen slo det til seg for 289 spd. Han selde same året til Aanon Aanonsen Toskedal, og då han i 1839 kjøpte bnr 2 kom Ruhaven til å fylgje denne egedomen. Lnr 150 i matr 1838. Kona til Torjus døde i 1837 og sjølv døde han som legdsman i 1851.

#### *Kolland*

var au opphavlig plass under Birkedal. Er jamt skriven for Kaaland, men bygdeuttalen er Kålland. Plassen ligg ved Kollandsvatnet

nærare Hunsdal. Klemmet Jonsen, ein son av Jon Asbjørnsen Birkedal, rydda Kolland. Han var gm Maren Johansdtr Birkedal frå V. B. I 1692 er det sk etter Johannes Halvorsen og borna får då sin lott i garden. Søsterlotten var  $2^{11}/_{16}$  ksk og Klemmet får utlagd det same . . . . hvorfor hand beholder dend ødegaard Koeland hvilken hand self hafuer opryddet og bebygget, heiter det. Av skatteoppgaver ser me at Klemmet var på Kolland i 1672 og det var vel i dei åra han rydda der.

Kolland blei sidan utskild som eige bruk med skyld 3 ksk. Om det heiter det i matr 1723: Kaaland som til forne har skyldet under Birchedahll er nu exiperet derfra og separatum skyldsats for 3 ksk.

Klemmet Jonsen døde i 1697 — 58 år gl. Han hadde ein son Jon som var matros. Han får heimlov i 2 mndr i 1698 for å få arven etter faren. Han gifte seg og budde i Kristiansand. Ei søster, Gunhild, vigde i 1719 med Jacob Jonsøn af Møglands sogn, som det heiter i kb, og det var dei som hadde Kolland i 1723. Utsåd 1 tn. Buskap 3 kyr og 3 sauer. Skov til gaards behov. Lætvindt.

Ola Torjusen frå Birkedal vigde med Elen Clemesdtr i 1699 og dei budde på Kolland, men Ola døde alt i 1706, bare 30 år gl. Elen eller Øli som ho då er skreven, døde i 1730. Same året vigde einaste sonen Johannes med Targier Christensdtr Stalleland. Tarjer døde i 1765, Johannes i 1776 — 73 år gl.

Ved sk etter Tarjer i 1765 lever det bare 2 døtre, Kirsten og Anne. Johannes åtte då lausøyre for netto 18 rd og hadde dei 3 ksk i Kolland. Buskapen var 3 kyr, 1 kalv, 4 sauer, 3 geiter og 3 kje. Men Tarjer, Johannes og borna hadde ikkje vore aleine på bruket. I 1735 døde Ane Kaaland 85 år, i 1742 Marthe Siversdtr 48 år og i 1751 Kirsten Olsdtr Kolland 82½ år. Kirsten Johannesdtr vigde i 1766

med ein Ole Olsen. Det året var au gamle Haagen Christensøn på Kolland. Kirsten og Ola hadde borna Ole 67, Targier 70, Johannes 75 og Jørgen 78.

Då Johannes døde hadde han  $1\frac{1}{2}$  ksk i K. taksert for 27 rd og lausøyre for vel 12 rd, m. a. 1 ku, 3 geiter og 4 sauer. Ole Olsen hadde til gode 30 rd og skiftekostnaden var  $7\frac{1}{2}$  rd for dette vesle skiftet, slik at Ole kjem omlag 3 rd «til kort». Ansleis var det ved sk i 1730. Endå det då var ein netto på omlag 13 rd, krev ikkje skrivaren Jacob Jersin Undal — han måtte ikkje vere lik andre embetsmenn då eller sidan — noe for sitt arbeid «og de tvende mænd ikke noget for deres hatte umage . . . . i henseende til dette stervboes slætte tilstand og paahæftede gjæld». Det einaste er at det må betalast 2 ort for stempla papir.

Ole Olsen blir utlagd dei  $1\frac{1}{2}$  ksk for gjeld. I 1778 sel eigarane av Birkedal  $\frac{3}{4}$  ksk i K. til Ola for 20 rd. Ola blir då eigar av heile bruket. I 1781 sel han så halvparten  $1\frac{1}{2}$  ksk til Rasmus Aasulsen Hunsdal for 160 rd og den andre halvparten til Jon Berulvsen for same salgssum. Og Kirsten og Ola flytter frå den vesle garden som morfar til far til Kirsten hadde rydda vel eit hundre år tidligare.

I 1789 fører eigarane av Hunsdal ei tingsvitnesak om Kolland som underbruk. Styremaktene såg då ikkje med blide augo på at gardar blei nedlagd. Hunsdalsfolka hevdar at Kolland ikkje kan fø ein huslyd. Dei har brukt garden sidan dei kjøpte for 8 år sidan. Dei avla omlag ei tn rug og fødde 3—4 kyr på garden, men dei som budde der laut kjøpe korn. Sjøl treng dei Kolland til somarbeite. Før dei fekk Kolland laut dei leige. Til slutt heiter det at på Kolland «er bestaaende en gammel stuebygning og løe som er meget brøstfældig». I 1792 heiter det om Kolland: Saaer indtet. Det blei voll der det før var åker.



300 år gammel tradisjon.

Me har nå i korte drag fylgd eigar- og brukarrekkja på dei mange bruk i Birkedal i over 300 år. Ser me tilbake på dette og på den tradisjon det har vore og som Igland skreiv om like før siste hundreårsskifte, ser me at tradisjonen nok er rett, i det store og heile. Og at denne tradisjonen har halde seg i innpå tri hundre år!

Brørne Rasmus og Asbjørn Torgeirsoner må ha vore eigarar av dei seinare bruksnr 6 og 7 tidlig på 1600-talet. Og at Ruhaven var en utskild søsterlott er sannsynlig. Om Kolland veit me dette heilt sikkert, som me har set.

Det var nok mangt anna å take med om garden, men skal me ikkje skrive «en hel bog fuld» lyt me her sette punktum.

#### MERKNADER

1. Sjå Birkedal-ætta I (Torgeir-ætta).
2. Sjå Birkedal-ætta II (Steinor-ætta).
3. Etter N. Igland.
4. Om ætta sjå N. Igland: Iglandsætten, og Rodals-ætta av Terje Fillingtveit.
5. Farfar til Aanon Salverød, kontrollør i A-A Kraft-

verk, var f i Kjerrane. Etter oppl .av Erling Nesbu 1958.

6. Sjå Gauslaa-ætta.
7. Sjå Kleveland-ætta.
8. Etter Kr. Stalleland.
9. N. Igland fortel: Torjus havde mange gjenvordigheder med sin svigersøn, Kristoffer, g.m. hans ældste datter Ingeborg og til hvem han hadde overdraget halvten av gaarden og forbeholdt sig den anden i føderaad. Ved aa formaa Kallevig i Arendal til at opsigte sin pant i eiendommen, lykkedes det den gamle aa drive den strenge svigersøn fra gaarden. Kristoffer kom siden til Lille Risdal og senere til Nødenes, og saa fik hans anden svigersøn Gunder Guttormsen fra Raanden g.m. hans datter Ane, gaarden mod føderaad.  
(Ved oppgj. skiftet i 1831 måtte Ingeborg overta gjeld for 195 spd, m a. 22 spd 17 sk til Salve Kallevig & Søn. Største kreditor var Nils Halds bo i Arendal 87½ spd.)
10. Tradisjonen her er nok ikkje heilt rett. Kr. Stalleland fortel at det var Kari Olsdtr, mor til Ole, som lå i kista. Men ho døde først i 1845. N. Igland nemner Aase Pedersdtr som søster til Peder Torjusen, men ho var nok søster til Ole og Markus Pedersen, sjå Gauslaa-ætta.
11. Sjå Birkedal-ætta IV (Tallak-ætta).
12. Det er ikkje noe i pantebøkene om dette. Den siste opplysning er etter N. Igland og sikkert rett som me ser av det fylgjande.
13. Sjå Birkedal-ætta III.

## TOSKEDAL

Gnr 62

Toskedal — eller Toskardal som dei nå helst skriv — er nørdeste garden i Landvik. Garden ligg ikkje langt frå Snøløsvatnet, og skogen går i ein kile nordover mot Ørteland i Herefoss. Den gamle prestevegen til Herefoss gjekk framom her, gjekk opp i lia mot nord og sørover i heia ut mot Hunsdal. Før den nye vegen frå Skiftenes kom sist i 1880-åra og førde med seg eit stort omskifte for den avstengde Austrebygda, hadde dei fått i stand ein køyreveg frå Toskedal og utover til Baadreis ved nordenden av Tønnesølvatnet. Frå Toskedal og nordover var det bare sledeveg eller rideveg.<sup>1</sup>

Garden er gamal. Det er gjort fornfunn her, ei steinøks med hol. Men garden har tolig sikkert lege øyde etter svartedauen og er trulig først tatt oppatt i den store ekspansjonstida først på 1600-talet. Toskedal er nemnt som øydegard i 1576. Då åtte Aase Eivindsdtr, kona til Anbjørn Midtbø, både Hørte og Helleland og øydegardane Tønnesøl, Hunsdal og Toskedal.<sup>2</sup> Men sidan finn me ikkje garden i skriftlige kjelder før i 1643 då Peder Torschedall er eigar av 1 gsk og Oluff Heldeland med sin broder 1 gsk. I tidligare sk.mt frå 1610 og utover, er Toskedal ikkje nemnt. I 1645 er på Toskedal: Thollef og hans søn Peder og en pige Marte.

I l.sk 1647 er T. på ½ hud. Peder eig då 1 gsk og leiger av Daniel Snøløs 1 gsk. Daniel må såleis ha overtatt det som Ola Helleland og broren åtte. I 1657 er Tharal Thorschedall eigar av 1 gsk og leiger 1 gsk av Daniel Snøløs. Det er elles to åsittarar, Tarald som betalar 1-1-13 i kvegskatt og Gunhild som har 6 sk.

I 1661 er Torje Danielsen eigar av 1 gsk og leiger av Tholle Holdte 1 gsk. Åsittarar i 1664 er Torge Danielsen, 49 år, son Daniel 2 år, og Rasmus Christensen 24 år, son Clemed 2 år.

I matr 1668 er skyldet for T. sett opp til 1½ hud. Det må vere prov for at garden er blitt oppdyrka i åra før, for slik auke i skyldet er det sjeldan me finn. Eigarar: Oluff Furholt 3 gsk, Daniel Wigeland 8 ksk og Torkel Guttormsen 1 ksk. Brukarar: Peder 3 gsk, Daniel W. 3 gsk.

I 1674 er Peder Torschedahl eigar av 3 gsk og Daniel Wigeland 3 gsk. Me må gå ut frå at det ikkje er den same Peder som er nemnt i 1643 (Peder Tolleivsen). I 1681 makeskifter Peder Danielsen T. noe jord med Torborg Knutsdtr Træ. Peder er då trulig bror til Torje som tidligare er nemnt og trulig son til Daniel Wigeland.<sup>3</sup> Daniel har nok ikkje budd på garden, men bare bruka halvparten ei tid, sidan



Toskedal.  
Nils Toskardals bruk.  
(Fot. 1960. Tv.)

han er nemnt med anna gardsnamn. I 1691 blir Daniel Pedersen gravlagd ved Hf. — 32 år gl. Han er såleis f ca. 1659. I 1695 blir Ellin Pedersdtr gm Siver Thomesen T. Øli Pedersdtr døde i 1729 — 73 år, og er såleis f ca. 1656. Det er elles ei Øli som døde i 1744 — 83 år gl.

Daniel Pedersen T. var gm Anne Pedersdtr Hørte. Ho gifte seg oppatt i 1692 med Eiven Halvorsen Bæreli. Dei bur på T. i mange år. Eiven er einaste åsittar i 1701, likeins i 1723. I 1725 overtar stesonen Daniel Danielsen. Even flytter då til Hørte der kona hadde odel. Same ætlegget er ennå på Hørte. Daniel Danielsen var sikkert nok g utanbygds. Han hadde 2 døtre som me kjenner til, Aaslaug (Oslou) og Tarjer, den siste f på T. 1729. Oslou blei i 1744 gm Aanen Larsen Holtebu og ætta etter dei sit ennå med austre bruket i T. Tarjer vigde med Telleiv Larsen Holtebu. Dei budde au på T. ei tid. Daniel hadde ei søster som vigde med Ole Vraalsen Hovatr.<sup>4</sup> Daniel var i 1743 likna for ei eige på 40 rd (lausøyre). Han sat nok med garden i noen år til, men i 1750 får Aanon Larsen auksjonsskj på 7½ ksk i T. for 208

rd. I 61 kjøper Lars Ommundsen, far til Aanon, ¼ hud i garden av Jon Bukjer i Arendal. Av sk i 1770 ser me elles at Lars må vere flytta til i 1759, for Aanon krev betaling for å ha hatt foreldra i 11 år. Han ville ha 190 rd for dette, men det blei «etter megen ventilasjon» sett ned til 100 rd. Det som Lars kjøpte var noe Aanon hadde lote gje frå seg, men han hadde nok lote gje frå seg meir au, for i 1764 kjøper Gjerul Knudsen Hunsdal 6 ksk av Jon Bukjer. Det blir odelssak om dette i 1767 og her går det fram at Jon Bukjer hadde lova Aanon at han skulle få godset tilbake mot å betale det han var skyldig — 150 rd.

Det var stort oppmøte på Toskedal den julidagen i 1767 då odelssaka var føre. Det møtte 8 lagrettemenn. Aanon møtte med lensmann Jacob Ohnsorg i Ø. som prosessfullmektig, Gjerul hadde prokurator Bendix Dyrhuus. Ein av dei som vitnar er Ommund Nilsen på «Tvetten» i Hf., 49 år og søskenbarn til Aanon. Auen Jensen Bæreli og Hans Olsen på Koveland er au vitne. Saka ender med forlik. Aanon skal få godset tilbake på fylgjande vilkår: Gjerul skal dette år ha til bruk «engehaugene i Dybedal og Svintoxhaven, tillige med løvskog og fædrift». . . . Innan jul skal Aanon betale 56 rd. Det skal bli ståande 100 rd, og for renta og som vederlag for frivillig avståing skal Gjerul i 6 år

«til 1773 aars høstning er skeet ha engehagen Dybedal tilligemed hosliggende løvskog fra Hellingen og ned til Almandveien samt videre til vandet og Biorknatten». Gjerul skal au ha «den brændevad som av løvningen falder». Restgjelda skal så betalast til påske 1774. I fall Frolands Jernverk kjem i gang, må Gjerul nytte «kullebunden» ved vatnet i 6 år.

I 1740-åra er det ein huslyd til på T. Det er i 1742 sk etter Maren Olsdtr gm Peder Aamundsen. Dei hadde 6 born i alderen  $\frac{1}{2}$ —6 år. Peder åtte ikkje jord. Av husdyr hadde han 1 ku, 1 stut, 3 sauer og 4 geiter. Kua og stuten tar skrivaren for sk.kostnaden. Heile buet er på brutto 12 rd, men gjelda 63 rd. Peder byd seg til å betale gjelda mot å få det som er på garden. Det er som nemnt ikkje stort. Det mest dyrverdige av lausøyret utanom buskapen er tri skinnfellar verdsett for 2 rd. Veit ikkje hvor Peder blei av med den store barneflokk. Trulig har han sete som leiglending på V. Toskedal. I 1766 er det bare Holtebufolket som er der. Og så gamle Daniel Danielsen. Det er «ingen skattebetalende bønder». Alle blir oppført som «fattige». Det er nå gjerne dei fleste når dei skal betale skatt.

Det er som nemnt sk etter Lars Ommundsen, far til Aanon, i 1770. Og det syner seg då at han ikkje akkurat er fatig. Han hadde ei eige av 231 rd, herav for 3 ksk i T. 100 rd. Aanon får som nemnt 100 rd for opphald av foreldra i 11 år og for gravferdskostnad. Broren Tosten har til gode 30 rd. Skrivaren tar for sk 2 kyr ( $9\frac{1}{2}$  rd). Aanon får 1 ku for 5 rd og 5 sauer, Tosten 3 geiter og Ommund 3 geiter og ein bakk. Dette ser ut til å vere heile buskapen. Hest er ikkje nemnt, men det hadde vel Aanon, vil me tru.

I 1783 sel Aanon Larsen 6 ksk i garden til sonen Lars for 250 rd. Lars tar foreldra i folaug og skal for det ha resten av bruket 3 ksk. Den eldste broren, Daniel, hadde alt i 1776 selt sin odelsrett til Lars for 20 rd, men han bur på Toskedal.

Det må ha vore folksamt på garden sist på hundretalet, frå 1770-åra og utover. Det var 4 brør, Daniel, Lars, Aanon og Ommund, og alle var dei gifte og hadde born. Ommund flytta til Grøslø i 1784 og selde då  $4\frac{1}{2}$  ksk til broren Aanon for 295 rd. Garden er nå delt i tri bruk, hovedbruket Austre T. på 9 ksk og dei to andre på  $4\frac{1}{2}$  ksk. Dei må ha fått kjøp på heile Toskedal i den tid.

Daniel møter i retten i juni 1785 og gir til kjenne «at hans brukende gaard Toskedal no 279 af Landvig Sogn, den 21de martii sistleden ved middagstider i et overmaade stormende veir, overgik en ulykkelig ildsvaade, saa at alle hans vaanings- og udhuse aldeles blev opbrændt og lagt i aske». Det var bare ein gamal stall og ei badstøve som ikkje strauk med. I oktober 87 får futen tingsvitne på at husa er bygde oppatt.

I 1792 er det tri brukarar og det bur då i alt 20 menneskje på Toskedal. På to av bruka har dei tenestjente. Avlinga blir sett til å vere 35 tn bygg og 8 tn poteter. Daniel sel elles sitt bruk same året til Guttorm Danielsen Snøløvs for 342 rd og flytter då trulig frå. Han er ikkje på Toskedal i 1801, men i 1805 har han ein son til dåpen i Øyestad. Det kjem leigefolk til bruket. I 1801 er Mads Christensen og kona Kari Olsdtr der. Bruket går i 1834 over til Tellef Guttormsen «med huse og herligheder» for 200 spd. (Lnr 154 — nå bnr 3). Aanon Aanonsen d.y. skj i 1839 bruket sitt  $4\frac{1}{2}$  ksk til Aasul Olsen Hørte for 450 spd. Det fylgjer med  $\frac{1}{9}$  i Bærelø sag. Aasul står elles oppført som eigar i matr 1838 (Lnr 153 — nå bnr 2).

Begge desse bruka går såleis ut av ætta. Men på det gamle hovedbølet lnr 152, nå bnr 1, sit den gamle ætta. I 1816 gir Berte Børusdtr, enke etter Lars Aanonsen, seg i folaug til sonen Knut og han overtar då trulig garden. Knut døde i 1854 og enka gir året etter over garden til sonen Lars. Han døde ugift i 1865 og broren John får garden. Etter han fylgjer sonen Knud og sonesonen Nils Toskardal som overtar i 1933 for 22 400 kr. Bnr 1 har skyld mk 5.53.

*Bnr 2*

blir som nemnt overtatt av Aasul Olsen Hørte i 1839. Han flytter då til garden. Sonen Ole overtar i 1881 for 4800 kr., men han make-skifter same året med Rasmus Gjerulsen Hunsdal. Egedomen går i 1888 over til Gjerul Rasmussen Hunsdal. I 1907 sel Lars Gurebo som var gm dotter til Gjerul, garden til Ole Mathiassen Hunsdal. Martinius Mathiassen overtar i 1911. I 1938 får Grimstad Sparebank auksjonsskj på egedomen for 13 000 kr. Banken sel i 1942 til Martinius M. Toskardal for 10 700 kr. I 1952 går bruket over til bror-dottera Gudny M. Hunsdal for 10 000 kr. Bnr 2 har skyld mk 2.72.

*Bnr 3.*

Som nemnt sat det leigefolk på dette bruket i 1801. Mads Christensen sat der trulig ei tid utover. I 1815 ser me at Anders Christensen er død, 18 år gl. I 1820 er nemnt Jens Aadnesen Lille Toskedal. Han var gm Tarjer Aanonsdtr. Dei fekk sonen Aanon det året. Aanon døde på Haalandsvollen 1841. Jens flytta dit. I 1834 døde Torborg Nilsdtr, 32 år gl. I åra 1835—44 bur Osmund Nilsen på Toskedal. Han var gm Berte Marcusdtr. I 1837 dør Nils Osmundsen T. — 69 år. Osmund og Berte fekk 6 born i dei åra dei var på T. Ein av dei, Nils, flytta til Vig i Fj i 1864. Det er ikkje folk på dette bruket i 1875. Hans Ommundsen Haaland gm Gunhild Tellefsdtr Snøløs fekk dette bruket i 1866 for 1000 spd. Hans var då komen til Snøløs. Bruket gjekk i 1908 til sonen Tellef Hansen Snøløs og i 1954 til Ommund Snøløs. Bnr 3 har sk mk 2.79.

Me kan sette opp denne

*Eigar- og brukarrekkje gjennom 300 år.**Bnr 1.*

Ca. 1660—1668 Torje Danielsen

Ca. 1668—ca. 1685 Peder Danielsen

Ca. 1685—1691 Daniel Pedersen  
1691—1692 Anne Pedersdtr, enke etter Daniel  
1692—1725 Eiven Halvorsen Bæreli  
1725—1750 Daniel Danielsen  
1750—1783 Aanon Larsen  
1783—1816 Lars Aanonsen og enka Berte Børrusdtr  
1816—1853 Knud Larsen  
1853—1854 Berthe Johnsdtr, enke etter Knud  
1854—1865 Lars Knudsen  
1865—1893 John Knudsen  
1893—1933 Knud Johnsen  
1933— Nils Toskardal.

*Bnr 2.*

1781—1784 Ommund Larsen  
1784—1826 Aanon Aanonsen  
1826—1839 Aanon Aanonsen d.y.  
1839—1881 Aasul Olsen Hørte-Toskedal  
1881 Ole Aasulsen  
1881—1888 Rasmus Gjerulsen Hunsdal  
1888—1907 Gjerul Rasmussen Hunsdal  
1907 Lars Gurebo  
1907—1911 Ole Mathiassen Hunsdal  
1911—1938 Martinius M. Hunsdal  
1938—1943 Grimstad Sparebank  
1943—1952 Martinius M. Toskardal  
1952— Gudny M. Hunsdal

*Bnr 3.*

1783—1792 Daniel Aanonsen  
1792—1834 Guttorm Danielsen Snøløs  
1834—1866 Tellef Guttormsen  
1866—1908 Hans Ommundsen Haaland-Snøløs  
1908—1954 Tellef Hansen Snøløs  
1954— Ommund Snøløs.

*Utsåd, avling og buskap gjennom 200 år.*

	Utsåd tn - skj	Avling tn	H	N	S	G	Merknad
1668	3		1	10	12		12 smaler
1723	4 - 4		2	8	10	10	
1792	7	35					
1867	3	15	2	7	14		

Det er bare bnr 1 og 2 som dyrkar korn i 1867. Bnr 1 har 21 mål dyrka «hjelpelig god jord paa sand og lit myr». Dei set 3 tn poteter og avlar 18 tn. Høyavlinga 55 skp, herav 17 lass på utslåtter. Bnr 2 har 10 mål dyrka, avlar

5 tn bygg og 12 tn poteter, 32 skp høy, herav 10 lass på utslåtter. På bnr 3 er avlinga 30 skp høy, 16 lass frå slåtter. Dette bruket har bare 6 mål dyrka jord. Garden blir i 1723 karakterisert som «tungvindt og frostnemt». Har då 1 flomkvern til husbehov.

#### Skogen

er det som gir størst inntekt til garden. I 1668: Skouff til ringe smaast. 1723: Lidet skov. I 1867 er oppgitt at det kan seljast av bnr 1 for 37 spd 24 sk årlig, av bnr 2 for 16 og av bnr 3 for 20 spd årlig.

Bnr 1 — halve Toskedal — er oppgitt å ha i alt 652 dekar. Av dette er 600 dekar produktiv skog. Bruket har (1955) 26 dekar dyrka jord og før hest, 6 kyr og 8 sauer.

#### Husa på garden

er gamle. På bnr 1 er sætehus i 2 høgder, som dei meiner er bygd kring 1650, men dei er seinare trulig ombygd. På bnr 2 blei det som nemnt bygd nye hus etter brannen i 1785. Skulestyrar Arnt Stensvand, Arendal, kjøpte i 1894 eit gamalt hus på Toskedal. Stensvand skriv:

«Paa Toskedal stod indtil 1894 et av de gamle enkeltbrede hus i dobbelt høide. Huset hadde antagelig aldrig været klædt. Det var graa umalte vægger baade ute og inne. Det hadde gatedør paa fasaden og stue til høire og kjøkken til venstre, men huset vendte for øvrig mere mot vest end syd. Huset blev kjøbt av nærværende nedskriver og skaaret i planker og bord paa Bærelis sag. Tømmeret i væggen var saa stort at der kunde bli 10 toms 3 toms planker av bare furreal. Det var et utmerket byggemateriale som blev sat ind i et større hus paa Strømsbu. Det var et av de ældste hus i Landvik, antagelig bygget for 200 aar siden.»

Det må ha vore husa på bnr 3 som fór den vegen — 10 toms planker av bare ale. Det må vel vere det dei 1668 kalla ringe skouff til smaast!

#### MERKNADER

1. Etter Anne Toskardal (1958).
2. Uprenta diplom i RA.
3. Eg har ikkje hatt høve til å leite etter om Daniel Snøløs og Daniel Wigeland var same mannen.
4. Me kan trulig sikkert sette opp denne ættefylgja: I. Daniel Wigeland. II. Peder Danielsen. III. Daniel Pedersen (1659)—1691. IV. Daniel Danielsen (1691)—1768. Døtre: Oslou g 1744 med Aanon Larsen Holtebu. Til Toskedal. Sjø Holtebu-ætta. Marthe f 1729 g 1750 med Tellei Larsen Holtebu.

---

## HUNSDAL

Gnr 63

Køyrer du nordover frå Hørte, er det ikkje så langt før vegen tar opp lia til venstre. Då kjem du til Hunsdal der det er to bruk, og har vore så, udelt og ubrigda gjennom tri hundrad år.

Første garden du kjem til er bnr 2. Same ætta sat her så langt me kan finne tilbake. Det var Birkedalsfolk. Og dei heite Jon og Berulv for det meste. Eller Knud.

Det andre bruket, «der heime» er det gamle Gjerul-bruket. Garden ligg under Hunsfjellet som reiser seg mektig og ruvande i nordvest. Her budde gamle Gjerul Hunsdal. Når dei nemner han på denne måten, så meiner dei han som var stortingsmann og ordførar og som låg ved svenskegrensa i 1813. Børsa han brukte er ennå på garden.<sup>1</sup>

Bytet for Hunsdal går i bein line frå Hunsdalsvatnet til Bjortjønnåsen der det er endestav for Hørte, Hunsdal, Birkedal og Kiland. Frå Bjortjønnåsen går bytet i n.nv. til midt på Kollandsvatnet. Frå indste ende av Kollandsvatnet går så bytet i ein liten krok fram til Snøløsvatnet og stikk over med ein liten kile på hi sida av vatnet.<sup>2</sup>

Først på 1600-talet var det Hørte-folk som åtte Hunsdal. Garden var då bare på ½ hud, men var i 1661 sett opp i skyld til 1¼ hud.

Me finn dette i odelsjordeboka 1624: Olluf Lauridtzen Hyrthe angiffuet paa sin vermoders vegne nafnlig Siri Hørtis at eige med hinds børn til odel i Hunsdal ½ hud. Men me har skriftlige kjelder om garden lenger tilbake.<sup>3</sup> I 1576 åtte Aase Eivindsdtr som var gm Anbjørn Midtbø både Hørte og Helleland og øydegardane Tønnesøl, Hunsdal og Toskedal. Sidan Hunsdal i 1624 er odelsgods under Hørte, kan det vere ein samanheng her, men det veit me ikkje. Me veit heller ikkje om den Peder som er nemnt på Hunsdal er av Hørte-ætt, kanskje helst ikkje, då det er ein Peder på Hørte på same tid, men Christoffer som er «ødegaardsmand» på Hunsdal i 1627 er tollig sikkert den same som me kjenner som Christoffer Hørte.

Frå 1628 og utover er nemnt Olluf Hunsdal. Olluf og hans quinde bur på Hunsdal i 1645. Kanskje er det Olluf Lauridtzen. At det kjem ein ny Ola på garden er sikkert nok. Han heitte Ola Eivindson, eller Olle Evensen som dei skreiv i 1661. Han var 42 år i 1664. Eg gjetter på at han var den Oluff Hunsdal som åtte og brukte 1 gsk i garden i 1657 og at han var gm ei dotter til Peder på Hørte, og at han hadde fått Hunsdal med henne. Vidare gjetter eg på at det var Berthe Pedersdtr som døde på H

i 1723 — 91 år gl. Ho må ha g seg oppatt med Ola Jonsen som var på H i 1701. Han var komen frå Birkedal og laut vere son til Jon Asbjørnsen. Han hadde ein bror som heitte Klemmet og som rудde Kolland.

Ola Eivindsen på Hunsdal åtte 1 gsk i Gjørnle i 1661. Samstundes ser me at brørne Christoffer og Christen Pedersøner Hørte au åtte i Gjørnle — 3 gsk. Ola hadde au ½ h i V. Skiftenes. Kanskje var han komen derfrå.

Ole Olsen, som var son til Ole Jonsen, vigde i 1707 med Gunhild Rasmusdtr Bjorvatten. Dei hadde ei dotter Torborg som vigde i 1725 med Rasmus Osulsen Igland. Også frå dei gjekk garden vidare i kvinneled. Gjerulf Knudsen Vigeland vigde i 1746 med Berthe Rasmusdtr. Her kjem Berthe-namnet att. Gjerul fekk elles ikkje garden. Gjerul døde i 1774. Rasmus gav først over i 84 til dottersonen Rasmus Gjerulsen. Rasmus sat så med garden i 46 år, til han i 1830 gav over til sonen Gjerul.<sup>4</sup> I 1866 overtar Rasmus Gjerulsen. Sonen Gjerul er siste mannen i ætta. Han dør alt 1897 — bare 23 år gamal. Kona hans var død året før og ein son dei hadde døde same året som faren. Søster til Gjerul, Gjertrud Rasmusdtr som var gm Lars Gurebo, overtok garden og budde der ei tid. Gjertrud døde i 1906. Lars Gurebo selde då garden, og det er ute med den gamle ætta der.

\*

Me lyt nå gå tilbake til 1640-åra og sjå om me kan finne eigarane og brukarane av det andre bruket, bnr 2 nå. Me finn då at i 1647 eig Oluff Hunsdal og Johan Birkedal hver sin halvpart av garden, 1 gsk hver. Dei står og begge oppført som brukarar. Men Johan, eller Johannes Birkedal som han er nemnt ved sk på B i 1692, bur nok ikkje på garden. Trulig er det heller ikkje bygt hus då på bruket hans. Me kan gå ut frå at også han har fått Hunsdal med kona si. Ho heitte Ingeri Pedersdtr f ca.

1610, d 1697, og då tollig sikkert dotter til Peder på Hørte.

Son til Johan Birkedal, Markus, er på H i 1657. Det er trulig bygd der då. Dei gamle husa på garden låg lenger sør enn nå, på den andre sida av uthusa. Så det var nok der Johan eller sonen Markus bygde. Seinare kjem Markus til odelsgarden på Birkedal og broren Berulv til Hunsdal, og sidan er bruket i same ætta heilt til det i 1928 går over til Erling Nesbu.

Me kan sette opp denne

*Eigar- og brukarrekkje gjennom 300 år.*

*Bnr 1.*

Ca. 1628—ca. 1650	Olluf (Lauritsen)
Ca. 1650—ca. 1680	Ola Eivindsen
Ca. 1680—1711	Berte Pedersdtr og Ole Jonsen
1711—1750	Ole Olsen
1750—1784	Rasmus Aasulsen gm Torbor Olsdtr
1784—1830	Rasmus Gjerulsen
1830—1866	Gjerul Rasmussen
1866—1886	Rasmus Gjerulsen
1886—1897	Gjerul Rasmussen
1897—1906	Lars T. Gurebo gm Gjertrud Rasmusdtr
1906—1931	Aasul Salvesen Øye
1931—1935	Olav Valbeland gm Margrethe Aasulvsdtr Øye
1935—1938	Kristen Valborgland
1938—	Torleiv O. Valborgland.

*Bnr 2.*

Ca. 1647—ca. 1688	Johan(nes) Birkedal. Sonen Markus brukar
Ca. 1688—1692	Berulv Johansen Hunsdal
1692—1715	Telleiv Madsen Birkedal (brukar)
1715—1759	John Berulvsen
1759—1785	Berulv Johnsen
1785—1830	John Berulvsen
1830—1888	Knud Johnsen
1888—1927	John Knudsen
1927	Karl Jensen
1927—1928	Terkel Pedersen Haugebu
1928—	Erling Nesbu.

*Litt om dei einskilde bruk.*

Det er tidligare nemnt at sætehusa på bnr 2 tidligare låg noe lenger sør, på hi sida av



uthusa nå. Når det blei bygd på den nye tufta er uvisst, men trulig kring 1800 eller noe seinare. Sætehuset er ikkje så stort (70 kvm), men i 2 høgder. Noe av dei gamle husa er visstnok brukt under bygginga. På garden er det stolphus og smie.

På bnr 1 bygde Rasmus Hunsdal nye store sætehus i 2 høgder i 1885. Garden låg tidligare nede i dælda, men Rasmus flytta opp i bakken nærare Hunsfjellet. Dei trudde det skulle vere meir helsesam buplass. Men sjukdomen fylgde med. Eit tiår seinare døydde dei alle av tæring i denne heimen. Store nye uthus blei bygd i 1897, same året som Gjerul Hunsdal døde.

I 1792 budde det i alt 15 menneske på Hunsdal. Rasmus Gjerulsen hadde 2 tenestgutar og jente. Jon Berulvsen hadde gut og jente. Går me 25 år tilbake i tida, til 1766, ser me av skatteoppgavene at det ikkje var mindre enn 14 vaksne menneske på garden. Som skattebetalande er då bare oppført Gjerul Knudsen og Berte Rasmusdtr. Dei sat som nemnt ikkje med garden, medan Rasmus Osulsen og kona Torborg Olsdtr står oppført under «fattige», endå Rasmus var ein velstående mann.<sup>5</sup> Også Berulv Jonsen og kona er oppført som fattige.

Det er 6 tenarar, men dei er, med eit unntak, søner og døtre.

I 1801 tel dei to huslydane 15 menneske. Det er då ikkje oppført tenarar. I 1875 har Rasmus Gjerulsen 3 tenestjenter og 1 gardsarbeidar, Knud Johnsen har tenestgut og to jenter, så dei hadde bra med arbeidshjelp i den tida.

#### *Kolland som underbruk.*

Kolland er gått ut frå Birkedal. Det sat folk der i tri generasjonar. Den siste eigaren var Ole Olsen som selde bruket i 1781 til Rasmus Aasulsen og Berulv Johnsen på Hunsdal. Dei betalte hver 160 rd. Bruket var på 3 ksk og har sidan høyrte under Hunsdal.

I den tida kunne dei ikkje utan vidare legge ut ein gard til underbruk. I 1789 får me då «underbrugstingsvidne» om Kolland. Som vitne møter Anders Thorsen Birkedal og Even Salvesen Hyrte. Kolland kan ikkje fø ein huslyd, seier dei. Årlig avlar dei der 1 tn rug og kan fø 3—4 kyr. Før dei på Hunsdal fekk Kolland, hadde dei ikkje sumarbeite nok til buskapen og derfor trong dei Kolland som underbruk.<sup>6</sup> I 1792 er det ikkje oppgitt kornavling på Kolland, så bruket er nok heilt lagt ut til slåttemark.

#### *Utsåd, avling og buskap gjennom 200 år.*

	Utsåd		Avling		Buskap				Merknad
	Bygg tn	Potet tn	Bygg tn	Potet tn	H	N	S	G	
1668	2½				1	9	10		10 smaler
1723	4				2	8	16	16	
1792	6	1	32	8					
1867	6	6	36	40	2	11	20		

Matrikeloppgava 1867 syner at bnr 1 har 20 mål dyrka «endel god jord paa sandbund og litt myr». Utslåtter og bakker til 17 lass høy, høyavling 65 skp.

Bnr 2 har au 20 mål dyrka «fulkommen saa god som foranførte brug». Slåtte til 12 lass høy, høyavling 55 skp. Havnegang tung, god græsvekst og omtrent tilstrækkelig.

Bnr 1 har nå 20 dekar dyrka jord som i 1867, og 900 dekar prod. skog. Bnr 2 har 22 dekar dyrka og 1000 dekar prod. skog.

«Landnåm» og fråsalg.

Utvidinga av Hunsdal med Kolland er tidligare nemnt. I 1824 kjøper så Gjerul Hunsdal, som då ikkje hadde overtatt farsgarden, eit bruk i Hørte saman med Gjerul Halvorsen for 900 spd. Tridjeparten av dette bruket, lnr 159 A, blir utskild til Gjerul i 1862 og året etter slått saman med bruket hans i Hunsdal, lnr 155 og lnr 160 C (Bærel). I 1868 blei lagd til lnr 145 B (Birkedal) av skyld 19 sk. Skyldet på Hunsdal auka då frå 2 dl 4 ort 6 sk til 4-1-15. I 1881 blir 159 A på ny skild ut (2 ort 3 sk) og seld til Ole Osulsen Hørte. Restskyld var då 3-2-6, rev. 3-4-13. Ny skyld mk 7.34. I 1906 selde Lars Gurebo frå Staakaasen av skyld mk 1.45 (bnr 3) til Ole Matiasen Hunsdal for 10 000 kr. Staakaasen gjekk i 1911 til Martinius Matiasen for 7300 kr. Torjus H. Kiland kjøpte i 1917 for 5000 kr. I 1923 selde Torjus til lensmann Karl Wangsnes, eigaren av Bærel, for 7000 kr. I 1950 gjekk egedomen over til Olav Wangsnes saman med Bærel. Restskyld på bnr 1 etter fråsalet er mk 6.29. Osul Salvesen Øye kjøpte garden i 1906 for 25 000 kr. Garden gjekk i 1931 til svigeronen Olav Valbeland for 32 000 kr. Sidan 1938 er Torleif O. Valbeland eigar.

Då Jon Knudsen selde i 1927 blei «Hunsdalsfjellet» utskild som eige bnr (4). Skyld 80 øre. Men det har sidan vore same eigarar som til hovedbølet bnr 2, som nå har skyld mk 5.64. Til bnr 2 høyrer og gnr 61 Birkedal bnr 8 av skyld 35 øre. Samla skyld blir då 6 mark 79 øre.

Skog, sag og kvern.

I matr 1668: Skouff til smaast, tvende flomqverne. 1723: Slæt skov, 1 flomqvern til

eget brug. Tungvindt. I 1867 er det oppgitt at skogen på bnr 1 gir for 80 spd årlig til salg, på bnr 2: 48 spd. Bnr 1 har «vandfald» ved Hørte og Bærel rekna i skyld til 72 øre, bnr 2 i Hørte rekna til 54 sk i skyld.

I 1784 ser me at Rasmus Aasulsen eig  $\frac{1}{9}$  i «Berliens priv. saug», verdsett for 9 dl 1 ort 14 sk. Dessutan har han ei vasskvenn verdsett for 5 rd.

\*

Til slutt skal me nemne noe frå eit skifte i 1692 etter Bærud Johanssen og Marthe Joensdaatter. Daniel Guttormsen Wigeland og Erich Prossen Bielland af Øiestad sogn møtte som vurderingsmenn. Her er noe av det dei hadde på garden den gongen:

Kaaber: 1 gl kaaberkiedel vegt 1 bismerp. 1 dl 2 ort 1 sk.

Jernfang: En stor jerngryde med hank 1 rd, 1 liden ditto 0-1-2. 1 rifled borse 2 rd. 1 borse uden laas 0-2-0. 2 bindøxe a 3 ort, 3 boløxe a 2 ort, 1 bielchenleche 1 ort, 1 plougjern og ristel 1 rd. 1 træsadel 2 ort, 1 ledersadel 3 ort, 1 udeqvern med redskab 2 rd.

Sengeklæder: 1 gl sengeklæde, 1 rye, 1 ofuerdyne, 1 pude med wahr, 1 dito, 1 gl sængeklæde, 1 hynde, 1 lidet bænchedynevahr, 2 strielagen. Overdyna var sett i 1 dl 3 ort.

Gangklæder: 1 gl sort klædesklædning, 1 graa stametreøie, 1 par graae vadmelsbuxer, 1 rødt klædeskiørt, 1 gl dito kiersey, 1 sort klædes quindetroie, 1 blomsterstoffes snørliff.

Trevahre: 1 brøggekar, 1 øltønde, 2 laagekar, 1 lang furrekiste med laas, 1 lidet beslagskrin, 1 furre vrasakab, 1 væf, 1 furrekiste med laas.

Bøger: 1 Povel Andersen Medelbyes Postill i 4to (2 ort 12 sk), 1 gylden Tankering 1 ort, 1 liden Haandbog 12 sk.

Queg og creatur: 1 rød blached koe 4 rd, 1 kolled 2, 1 rød broged 3, 1 koe udlagt til skatt for 1692 = 3 rd, 1 liden rød quie 1-1-0, 1 liden sort ditto. Vidare er det 6 sauer, 6 geiter, ein liten geitebukk og til sist: 1 gl brun hest med sele og tøy 3 rd.

Det er ein Torjus Nilsen som har til gode 1 ort 12 skilling «for grøfter at kaste». Han får ein sau for dette. Noe tilskot til grøfting var det vel snaut tale om den tida!

*Plassfolk* er ikkje kjend under Hunsdal. På plassen Kjærrane som ikkje ligg så langt ovanfor garden, budde det folk for ikkje så svært lenge sidan, men denne plassen hørde til Birkedal.

Eit par km i sør er det ein stad dei kallar Telleisplass. Det er vel helst trulig at det var Tellei Madsen som rudde der. Han var brukar på Hunsdal ei tid kring 1700. Han hadde i 1701 sønene Beruld, Matz og Lars. Berulf Teliesøn Hunsdahl vigde i 1732 med Ingeborg Olsdtr Gurebo, men me kan ikkje finne at han har hatt noen plass på Hunsdal. Og Telleisplass er då trulig lagd øyde.

#### MERKNADER

1. Fortald av Erling Nesbu 1958.
2. Etter Erling Nesbu som m. a. fortel: Min gamle lærar Ola Gundersen Løland sa at i Sandtjønnrøysa møttest Landvik, Froland og Herefoss. Nå går ikkje Landvik lenger enn til Høgsteinheia der Snøløs kiler seg i mellom. Bytelinene elles har han etter Jon Knudsen H.
3. Uprenta diplom RA.
4. Sjå Vigelands-ætta.
5. « Vigelands-ætta.
6. « Kolland.

## HØRTE

Gnr 64

Namnet er sikkert utgamalt som garden sjølv. Ikkje veit me når første rudningsmannen kom dragande oppetter her og slo seg ned, men garden er trulig den eldste i austrebygda. Husa er bygd på klinkande grunnfjellet på Hørte. Og ser ein garden frå Bereli-sida, så teiknar «Hyrten» seg ut med si bratte line i landskapet — eit gamalt gløymt namn?

Hørte var i siste halvpart av 1500-talet den sentrale garden i eit stort jordkompleks som strekte seg frå Skiftenes til Herefossbyttet. I 1576 åtte Aase Eivindsdtr både Hørte og Helleland og øydegardane Tønnesøl, Hunsdal og Toskedal. Ho var kona til ein som heitte Anbjørn Midtbø.<sup>1</sup>

Dette godset blir trulig oppdelt føre 1600-talet. Me veit ikkje sikkert om hvem som overtok, men Hunsdal fylgde i alle fall Hørte-folket eit stykke ut på 1600-talet.<sup>2</sup> Det er vel då rimelig å tru at det har vore slektskap mellom Aase Eivindsdtr og dei som sidan overtok på Hørte og Helleland. På Hørte sat dei med stort jordegods først på 1600-talet, det veit me etter odelsjordeboka 1624, så dei var nok av ei gamal ætt som hadde samla seg gods.<sup>3</sup>


Peder på Hørte er den første namnkjende mannen på garden, nemnt frå 1610 og utover som krone- og leiglendingsbonde, dvs. han aleine åtte ikkje så mykje som 4 huder jorde-

gods. Christoffer Pedersen, 60 år i 1664, må vere sonen hans. Han overtok omkring 1628. Hørte var den gongen bare på 1½ hud, men sett opp til 2½ hud i 1668. Broren, Christen, åtte halve garden i 1640—50-åra, men det var Christoffer som brukte heile garden. I 1645 var på Hørte Christoffer og hans quinde og Osmund og hans quinde. Denne Osmund høyrer me ikkje meir om, så han var ikkje jordeigar.

I 1668 er garden gått over til Peder, Anders og Torjus, sønene til Christoffer. Anders kom sidan til Hardeberg. Peder og Torjus delte Hørte mellom seg. Med eit avbrot på noen år kring 1720 har garden Peder fekk gått udelte fram til i dag, som me sidan skal sjå.

Etter matr 1668 fødte dei på garden 16 naut og 20 smaler og hest. Dei kunne så 5 tn. Korntienden var 1½ tn 1½ notting. Og garden, som vel nå blir rekna som ein av dei beste skoggardane i Landvik, hadde «eige schouff til ringe smaalast» og ei bekkvern. Sag er ikkje nemnt, men alt i 1617 betalte dei 2 dl i sagskatt på Hørte. I 1620 skar dei der 200 «deller». Og sagbruksverksemd har dei så drive sidan i 300 år.

Peder Christoffersen sat med sitt bruk til i 1698 då han gifte seg oppatt og flytta til Tønnesøl. Bruket gjekk då over til Anders Aamundsen som var gm Gunhild, dotter til Peder. Anders er au skrive Anders Aanundsen, såleis



Utsyn over Hørte og landskapet ved Hørte med dei mange vatn. Bereli gnr 65 under heia t. h.

ved sk etter Gunhild i 1704. Anders åtte då 1 h 3 ksk i Hørte, dvs. halve garden og dessutan 3 ksk i Helleland. Me veit ikkje hvor Anders kom frå. Men det er ein Knud Aanundsen Bjorvatten som har til gode pengar i 1704 og det er kanskje broren. Anders og Gunhild hadde to døtre. Dei blei g i 1722, den eldste, Marithe med Kiddel Osulsen Igland og den yngste, Guri, med Christen Aanonsen Haaland. Anders gifter seg oppatt og kjem nå ut for fleire odelsaker. Første kona hans var gardjente på Hørte, men Peder Christoffersen får i sitt 2. ekteskap ein son som får namn etter bestefaren, Christoffer Hørte. Og i 1715 stemner Aanon Olsen Tønnesøl, som er stefar til

Christoffer, Anders Aanundsen «til at vige og rødiggjøre 2½ gsk gods udi Hørte, 1 gsk i Helleland og 1½ ksk i Toskedal». Dette godset hadde Peder Christoffersen ått. Det blir åstadsak om dette i 1716. Her blir kravet om 1½ ksk i Toskedal fråfalle, då dette godset er seld av Peder til hans «dattermand» Eiven Toskedal. I retten møter au ein av sønene til Anders Hardeberg og hevder å ha odelsrett til 1 gsk i Hørte som Anders hadde pantsett til broren Peder. Saka ender elles med forlik. Aanon skal på vegne av stesonen få 7¼ ksk i garden — «indtil stiffsønnen opnaar den fuldkommenhed at hand samme sit odelsgoods vil og kan tiltræde». For dette betalar han 120 rd. Anders

må ut med 14 rd i sakskostnad. Men Christoffer høyrer me ikkje meir gjete, anna enn at han i 1719 på ny stemner Anders for 2½ gsk i garden. Denne saka blir au vist til «aastedet», men noen åstadssak har eg ikkje funne, og saka har vel falle. Kanskje er Christoffer død, for me høyrer som nemnt ikkje meir til han. Og me ser at Anders sit med 7¾ ksk i 1723 og Aanon med 7¼, men i 1726 sel dei til Salve Eivensen Toskedal heile bruket 15 ksk for 153 rd. Anders Aamundsen døde som plassmann på Ronnen, dsk 1742. Han var 2. g. gm Elen Olsdtr. Døtre Gunhild gm Sven Taraldsen Aasen og Berte g 1746 med Jens Hansen Birk-aas. Salve hadde rett til garden, for mora var Anne Pedersdtr Hørte og ho var søster til Gunhild, gardjenta som hadde vore gm Anders. Frå 1726 går så garden, nå bnr 1, udelt til våre dagar. Salve Hørte er eigar nå.<sup>4</sup>

\*

Me skal nå sjå litt på hossen det gjekk med det andre bruket, det som Torjus Christoffersen hadde frå 1660-åra og utover. Torjus døde i 1708. Enka, Bergete Arnesdtr, dreiv så garden i noen år. Ho er nemnt som åsittar under skoskatten i 1711. Då var det elles bare 8 personar i alt på Hørte. Sønene Anders og Christoffer sat så med garden. Christoffer som var den eldste, sat på Kiland i 19 år. Faren hadde kjøpt denne garden, men Christoffer fekk odels-søksmål og flytta heim til Hørte kring 1722. Anders hadde då sytt for mora i 6 år, så det er trulig kring 1716 at han har overtatt bruket. I 1723 brukar dei to brørne saman 1 h 3 ksk. Det var det same som faren hadde hatt — «dend ½ gaard Hyrthe med hus og herligheder». Han åtte som nemnt au eit bruk i Kiland, 10½ ksk. Noe av Kiland, Kilands-karten, kom elles til å fylgje Hørte i ei rekke år. Christoffer hadde ei sak med Søren Svendsen Lunden, rikingen i Reddal, om dette. Og han vann saka.

Anders og Christoffer har sikkert nok delt garden, trulig då Christoffer kom heim kring 1722. Det bruket Anders fekk er det nåv. bnr 2. Og Anders har vel då bygd her. Men i 1732 stemner Torjus Christoffersen sin farbror Anders til å vike sæte på dei 7½ ksk som han brukar og bur på. Og så blir det åstadssak. Den 9. juni 1733 sette Jacob Jersin Undall, kongl. maj. cancelliasessor og sorenskriver udi Nedenes, åstadsrett på Hørte med 8 domsmenn frå Øyestad. Anders hadde tatt ut kontrastemning og begge kravde sakskostnad. Ved domen fekk Torjus medhald. Han fekk rett til å løyse garden 7½ ksk, men Anders får rett til å bruke og bu på garden til Torjus kunne prove «det selv at tiltrænge». Torjus g seg i 1734, men først i 1736 får han skøyte på dei 7½ ksk. Han gav 140 rd for garden. Anders flytta til Moi i Fjære.<sup>5</sup> Torjus var gm Ragnhild Danielsdtr Snøløs. Dei hadde bare jenter som levde opp. Den eldste av dei, Ane, blei gm Daniel Olsen Nævestad-eie og dei overtok bruket, nå bnr 2, i 1755. Garden har sidan gått vidare i mannsline i 200 år. Eigar nå er Ola Hørte.

\*

Med det seinare bnr 3 gjekk det ansleis. Christoffer Torjusen som fekk denne fjordeperten av Hørte gav over til ein yngre son, Knud, i 1749. Han var halvbror til Torjus på det andre bruket. Mor til Torjus var Anne Salvesdtr Helleland, mor til Knud var Tarjer Knudsdtr Tønnesøl. Det kan elles nemnast at Salve Eivensen som sat på bnr 1 var gm Aaslaug Danielsdtr, søster til kona til Torjus. Så dei var vel liksom ei ætt alle på Hørte den tida.

Knud Christoffersen bygde nye hus på garden. Det veit me av ei odelsak frå 1765. Også av dette kan me slutte at det var han som hadde det gamle hovedbølet. Husa stod nær der skolehuset nå står.<sup>6</sup> Husa er rivne for lenge sidan. For dette bruket kom på handel og blei sidan delt i tri. Son til Knud, Christoffer

Knudsen, selde bruket i 1821 til sin brorson og svigerson Knud Aasulsen Salvestjønn. Knud selde tri år etter og kjøpte att eit bruk i Havstad. Christoffer flytta med dit og det er ute med den gamle ætta på dette bruket på Hørte.

Dei som kjøpte i 1824 var Gjerul Rasmusen Hunsdal og Gjerul Halvorsen Hørte. Dei gav 900 spd og selde same året til Ole Johnsen for 750 spd — men dei heldt seg unna rett til å hogge det dei ville i skogen i 10 år! Trass i denne klausulen får Ole Johnsen 1000 spd då han selde til Nils Andersen Landekil og Nils Tomassen Mjaaland i 1826. Nils Andersen var gm Askjer Tomasdr Mjaaland og dei budde på Hørte i åra 1826—28. Men så lyt dei gå frå. I. M. Dahl i Grimstad slår til seg egedomen for 526 spd i 1829. Han sel same året til Gjerul Hunsdal og dei to Hørtbøndene Gjerul Halvorsen og Daniel Olsen for 617 spd.<sup>7</sup> Dei eig så bruket saman til 1862 då det blir delt med 2½ ksk til hver. Bruket hadde lnr 159. Daniel Olsen får tillagt lnr 159 b. Han hadde før lnr 158 og det blir slått saman til nåverande bnr 2. Gjerul Halvorsen får tillagt lnr 159 c til sin eigedom lnr 157. Det blir slått saman til bnr 1 nå. Gjerul Hunsdal fekk lnr 159 a. Det fekk sidan bnr 3 og gjekk i 1881 over til Ole Osulsen, eigar av bnr 2. Bnr 1 er såleis nå  $\frac{7}{12}$  av Hørte, bnr 2—3 er  $\frac{5}{12}$  når me reknar etter gamalt skyld.

Me kan nå sette opp denne

*Eigar- og brukarrekkje gjennom 350 år.*

*Heile garden.*

Ca. 1590—ca. 1620 Peder Hørte  
« 1620— « 1628 Siri Hørte  
« 1628— « 1666 Christoffer Pedersen

*1 bud 3 ksk (nå bnr 1).*

Ca. 1666—1698 Peder Christoffersen  
1698—1716 Anders Aamundsen gm Gunhild Pedersdr

1716—1726 Anders Aamundsen og Aanon Olsen  
1726—1767 Salve Eivensen  
1767—1805 Eiven Salvesen  
1805—1820 Salve Eivensen  
1820—1861 Gjerul Halvorsen gm Maren Salvesdr  
1861—1915 Salve Gjerulsen  
1915—1929 Eiven Salvesen  
1929—1937 Kristine Matiasdr, enke etter Eiven  
1937— Salve Hørte.

Bnr 1 har skyld mk 11.60 etter at det i 1863 blei tillagt 2½ ksk ved delinga av bnr 3.

*1 bud 3 ksk (seinare nr 2 og 3).*

Ca. 1666—1708 Torjus Christoffersen  
1708—1716 Bergete Arnesdr, enke etter Torjus  
1716—1722 Anders Torjusen. (Garden delt.)

*Bnr 2 7½ ksk.*

1722—1736 Anders Torjusen  
1736—1755 Torjus Christoffersen  
1755—1789 Daniel Olsen gm Ane Torjusdr  
1789—1798 Dorte Andersdr, enke etter Daniel  
1798—1828 Ole Danielsen  
1828—1877 Daniel Olsen  
1877—1913 Ole Osulsen og Ragnhild Madsdr  
1913—1939 Osul O. Hørte  
1940— Olav O. Hørte.

Har bnr 2 av skyld mk 6.68 og bnr 3 av skyld mk 1.68. Har au gnr 66 bnr 4 Helleland skyld mk 6.40.

*Bnr 3.*

1722—1749 Christoffer Torjusen  
1749—1785 Knud Christoffersen  
1785—1821 Christoffer Knudsen  
1821—1824 Knud Aasulsen  
1824 Gjerul Rasmussen Hunsdal og Gjerul Halvorsen Hørte  
1824—1826 Ole Johnsen  
1826—1829 Nils Andersen og Nils Tomassen  
1829 I. M. Dahl  
1829—1862 Gjerul Hunsdal, Gjerul Halvorsen og Daniel Olsen Hørte

Bruket delt i tri, som tidligare nemnt.

*Jorda og skogen*

var det som gav levemåten, her som på andre gardar, men skogbruksdrifta har nok gitt mest

kontantar til skattar og innkjøp av varer dei trong. Alt i 1617 blir Peder Hørte dømt til å bøte 6½ dl 1 ort «for han hafde ikke udgifet hans skattetømmer udi rette tid». Han blir og dømt til å betale 1 dl 1 ort . . . hans anpart i det tømmer som formedelst hans forsømmelse skyld er kjøft til Kong. Maj. behouff. Eit par år etter får Hørtemannen 7 dl i bot fordi han ikkje har levert tømmer til kongens skip Krabben.

Me har tidligare nemnt matr.oppgava frå 1668. I 1723 er utsåden sett til 6 tn. Og buskapen på heile garden 2 hestar, 12 naut, 15 sauer og 15 geiter. Det er det dei meiner garden kan fø. Så det er synberrrt at dei har drive garden opp. Det trong dei au, for nå var det 4 huslyder der som skulle leve av det garden gav.

Om skogen heiter det: Skov til smaa ege og furubord. Same året spør Hans Larsen på vegne av mad. Maren, enka etter Nils Samuelson Nørholmen, Anders Aanundsen Hørte hvor det er blitt av dei 2 tylfter 10 stk furuplanker som ved eksekusjon året før var utlagt til Maren. Anders svarer då at dei dreiv av med flamen og sidan fekk Gregers Bie dei for gjeld. Anders blir då dømt til å betale 9 dl 1 ort 6 sk og dessutan 3 rd i sakskostnad.

Hvor mykje fødde dei så på garden? Ved sk etter Torjus Christoffersen i 1708 — han åtte som nemnt halve Hørte — var det 7 kyr og hest, 2 kvier, 13 sauer med 7 lam, 11 geiter og 2 kje. Då Christoffer Torjusen gir opp til skifte i 1749 — han hadde ¼ av garden — var buskapen 2 kyr og hest, 5 geiter, 1 kje, 3 bokker, 1 stut og 1 stutkalv. På det andre «fjordingsbruket» (Torjus) var det i 1755: 4 kyr (Febod, Graarei, Julrei og Gulrei), 1 kvie, 1 liten stut Guldknap, 3 sauer, 3 verar, 5 geiter og 1 risbitbukk. Dessutan: «1 gl brun hest staar i stalden og vides ikke om den lever eller dør». Øyket blir likevel verdsett til 6 rd, mot 5 rd for beste kyra. Tilsaman skulle det på same halve garden som i 1708 bli: 2 hestar,

6 kyr, 2 kvier, 2 stutar, 1 stutkalv, 10 geiter, 4 bokkar, men bare 3 sauer mot 13 sauer i 1708. Ein må undre seg over at sauehaldet har minka slik på garden.

I sk 1755 (etter Torjus Christoffersen) er det oppgitt 2½ tn «sædekorn» a 1½ rd. Skiftet er i april, så det er nok dette dei skulle så. Kan me etter dette slutte at dei sådde 10 tn på Hørte på den tid? Det høyrerest mykje ut.

Sagbruksdrifta har nok tatt seg opp ut på 1700-talet. I 1743 ser me at Salve Eivensen m. fl. har «erhvervet sig kongl. allernaadigst bevilling til 960 bords aarlig skjørsel paa en under Hørte værende saug». Sag hadde dei hatt, i alle fall frå 1620-åra som me har set, men nå får dei altså rett til å drive «handels-sagbruk». Frå 1742 har me tingsvitne om at dei på «Hyrdte sav» har skore seks hundre flaskeskaarne bord.

Men det var nok ikkje bare bord og plankar dei dreiv med. I 1702 var det ei trelastteljing for heile amtet. Då hadde Hans Arntsen på Landvig liggande ved Landvigvatnet dette tømmer som «foregafes at være huggen og drefen af Hørte og Helleland skover af forn. gaarders opsiddere: 2 tlt egestolper lange fra 16 til 25 fod, brede 7½ til 9 tom. Nok 1½ tlt dito, lange fra 13 til 14 fod, brede 9 til 10 tom. Dobbelte barkhuner 5 tlt. Fjorgl. neerlands furre langbjelker 1½ tlt, lange 27 fod, brede 12—14 tom., derav undermaals 10 trær vurderet a stk. 8 sk.

Desse oppgavene syner hvor stor vekt ein kan legge på matrikkeloppg. som den me nemnde frå 1723: skov til smaa ege og furubord. Når dei hadde last som heldt 12—14 tommer på 27 fot, så kunne dei vel ikkje akkurat kalle det «smålast» den gongen heller.

Torjus Christoffersen hadde i 1755 denne lasta liggande (17/4): 100 vragebord ved Hørte saug 1½ dl, 2½ tlt furrebjelker a 3 rd, 4 tlt saugtømmer i Granedalen a 3 ort 12 sk, 2 tlt



egetømmer mest ved saugen a  $1\frac{1}{2}$  rd. Han åtte  $\frac{1}{4}$  av Hørte sag, parten verdsett til 10 rd.

I 1767 er det sk etter Aaslaug Danielsdtr, kona til Salve Eivensen. Dei hadde lausøyre for 106 rd. Buskapen var 1 hest, 5 kyr, 5 kvier, 2 kalver, 1 tjør, 5 geiter og 4 kje, 3 bokker og 3 sauer. (Kyrnamn: Haltrei, Skotrei, Spangrei, Tysrei, Leiros og Lychrei.) Me ser her au at sauetalet er lite. Fjordepart i Hørte sag blir nå verdsett til 14 rd.

I 1789 er det sk etter Daniel Olsen (bnr 2). Dei har hest, 4 kyr, 2 kalver, 4 sauer og 4 geiter.


Me sette eit spørsmålsteikn med ein årlig utsåd på garden på 10 tn kring 1750, men det er ikkje sikkert at det var så «a leia». I 1792 (lensmann Brøndums Siælemanntal) er det oppgitt at Even Salvesen sår 5 tn bygg,  $\frac{1}{4}$  tn rug og  $\frac{1}{4}$  tn poteter. Avling: 1 tn rug, 24 tn bygg og 1 tn poteter. Christoffer Knudsen sår  $\frac{1}{4}$  tn rug, 3 tn bygg (avler 16 tn) og  $\frac{1}{4}$  tn poteter. Daniel Olsens enke: 3 tn bygg (avl. 14 tn) og dessutan  $\frac{1}{4}$  tn poteter. Me ser då at den samla utsåden er 11 tn bygg med årlig avling 54 tn. Vidare  $\frac{1}{2}$  tn rug, avling 2 tn, og dessutan  $\frac{3}{4}$  tn poteter, årlig avling 3 tn.

Er desse tala rette, må dei ha nytta mest all si dyrka jord til korn, og Hørte må ha vore ein god korngard. Poteter er det så vidt dei er komne i gang med. Dei hadde nok noe meir på gardane lenger ute i bygda.

Dette er altså på slutten av 1700-talet. Det er 14 menneske på dei tri bruka, mot 8 i 1711. I 1801 er talet 19, av desse 2 born under 15 år. I 1792 hadde Even Salvesen tenestgut og jente, Daniel tenestgut.

#### *Bruk av Hørte sag.*

Me har nemnt litt om hva skogen og sagbruket hadde å seie. Dei tri bruka på Hørte åtte hver sin fjordepart i saga, på Hunsdal hadde dei ein fjordepart. Daniel Olsen Hørte og Knud Johnsen Hunsdal stemna i 1841



*Salve Hørtes gard.*

(Fot. 1960. Tv.)

Gjerul Halvorsen Hørte for bruken av Hørte sag. Dei var i kommisjonen og saka blei vist til retten. Men då saka kom for retten, hadde det blitt forlik. Dei hadde trekt lodd om bruken av saga og skulle bruke i denne rekkefylgje: Knud Johnsen, Daniel Olsen, Gjerul Halvorsen, Gjerul Rasmussen Hunsdal. «Og det saaledes at et dagantal af 6 paa hinanden følgende dage falder paa en fjerdepart i saugen og saaledes at enhvers benyttelsesret bestemmes efter dette forhold». Men i januar—mars skal dei bare bruke saga 3 dagar om gongen. Dei skal ta til med tørn 1. april. Saksokjarane let alle sine krav falle og hver part ber sine saks-kostnader.

#### *Gardverd og inflasjon.*

I 1726 løyste Salve Eivensen halve Hørte 1 hud 3 ksk for 153 rd. Nitti år seinare — i 1816 — er det registrering for sk etter Aase Olsdtr som var gm Salve Eivensen, soneson til Salve som løyste garden i 1726. Då blei garden med  $\frac{1}{4}$  i Hørte sag verdsett til 6000 Rbd. Lausøyra kom i 2093 Rbd, tilsaman 8093 Riksbankdalar. Registreringa var 21. juni 1816. Ved sk 22/3 1817 er Riksbankdalaren nedskreven slik at bruttoeiga er 809 spd 43 sk.

Gjelda blei au nedskreven tilsvarende. Netto blir det då 414 spd, etter at sk.kostnaden 23 spd er dregen frå. På garden var det då 5 kyr og hest, 1 kvie og noen sauer.

Me såg at garden (bnr 1) blei sett i 600 spd etter nedskrivninga. I 1863 overtar Salve Gjerulsen for 4950 spd. Garden er altså stige til over det 8-dobbelte i verdi. Fem tusen dalar var elles svært mykje for ein gard den gongen. I tillegg til dette kom 550 spd for dei 2½ ksk som var utskild frå bnr 3, tilsaman 5500 dalar. I 1916, før den nye inflasjonen sette inn, fekk Eivind Hørte garden for 64 000 kr. Salve Hørte overtok i 1937 for 65 600 kr.

#### *Garden i 1860—70-åra.*

Etter matr.oppg. frå 1867 har Salve Gjerulsens bruk 26 mål dyrka — «almindelig sandjord og god myr», utslåtter til 25 lass, samla høyavling 75 skp. Kan fø 2 hestar, 5 kyr og 12 sauer. Utsåd ⅔ tn kveite, 3½ tn bygg og 7 tn poteter med avling 1⅞ — 21 og 49 tn. I 1875 er buskapen: 2 hestar, 8 kyr, 3 ungdyr, 18 sauer og 2 griser, og utsåden ⅔ tn kveite, 3 tn bygg, 1 tn havre og 6 tn poteter. Me ser at buskapen har auka, endå det i 1867 er sagt at det ikkje finst dyrkingsjord.

Daniel Olsen har 17½ mål dyrka i 1867, utslåtter til 9 lass, samla høyavling 58 skp. Det står at «der tilkjøres høi fra eierens brug i Herefoss sogn». Buskap: 1 hest, 4 kyr, 1 kvie, 14 sauer. I 1875: 1 hest, 5 kyr, 12 sauer og 1 gris. Daniel sår og avler: Bygg 2½ tn — 15 tn, poteter 3½ tn — 24 tn. I 1875 er utsåden ⅓ tn kveite, 2 tn bygg og 3½ tn poteter.

Me ser då at den samla buskapen på garden er 3 hestar, 13 kyr, 3 ungfe, 30 sauer og 3 griser. Geitene er det slutt med.

#### *Skogen.*

Det er i 1867 oppgitt at Salve kan selje årlig for 106 spd av skogen. I heile Landvik er det

bare Terje Nilsen Helleland som er ført opp med like mykje. Daniel kan selje for 58 spd netto. Så dette med Hørte som beste skog-garden i Landvik er vel rett nok. Me har då au set at skogsdrifta har spela ei stor rolle ned gjennom tidene. Og vel ennå meir nå.

#### *Garden nå.*

Det er (1955) oppgitt at bnr 1 har 36 dekar dyrka mark og eit samla areal på 3000 dekar. Sætehus oppført i 1800 i 2 høgder — 125 kvm. Ombygd og modernisert 1952. Nye uthus 1935. Dessutan stolphus, garasje, sag m. v. Buskap 5 kyr og hest, 10—12 sauer.

Bnr 2 har 20 dekar dyrka og 2800 dekar produktiv skog. Sætehus bygd i 1814 i 2 høgder, 96 kvm. Modernisert 1948. Nye uthus 1952.

\*

Frå bnr 2 blei i 1923 fråskild parsellen Ny-stuen bnr 4, seld av Osul O. Hørte til Lars Gundersen for 1800 kr. I 1938 gjekk denne eigedomen over til G. Juel Gundersen.

*Plassar* har det ikkje vore under Hørte.

#### MERKNADER

1. Uprenta diplom i RA.
2. Sjå Hunsdal.
3. Om dei gamle på Hørte sjå Hørte-ætta.
4. Sjå Gauslaa-ætta.
5. Han var gm Marte Osulsdtr Igland. Sjå Iglands-ætten av Nils Igland s. 41.
6. Etter Kr. Stalleland.
7. Det blir rettssak om uthogsta i 1829. I. M. Dahl hevda at dei fyrre eigarane hadde hogge ulovlig i skogen. Nils Rosholt hadde vore der på vegne av Dahl og funne 46 tylfter 12' fore stokker og dessutan noen bjelker. Eiven Hørte, svigerfar til Gjerul Halvorsen vitna at dei hadde tatt atterhald om hogst i eit skogstykke då dei selde til Ole Johnsen. Ole Johnsen vitnar det same. Dei hadde au hogge i det stykket dei åra han var på Hørte. Saka ender med forlik. Dahl sel til dei på Hørte og Gjerul Hunsdal som tidligare nemnt.

Frå Hørte fører nå ny veg inn til Bereli. Her var det alt i 1640-åra 2 brukarar, men garden var ikkje stor. Skyldet var ½ hud.

Ei seiande segn fortel at den mannen som først budde i Bereli tok til å rудde og bygge oppe ved Hemmingstveitvatnet. Men så fann han ei «be're li» ved Berelivatnet. Og så bygde han der. Av det skulle så namnet kome.

Etter tradisjonen hørde Bereli på 1500-talet til det gamle storgodset som hadde Hørte—Helleland som sentrale gardar.<sup>1</sup> Når garden ikkje er nemnt i dokumentet frå 1576 (sjå Helleland—Hørte), er vel grunnen den at Bereli då ikkje var serskilt skyldsett. Under bygningskatten til Akershus 1593—1604 står «Biergelid» oppført som «formerit». Det vil då seie at garden er komen med mellom dei gardane som skal betale skatt. I 1621 betalar «Bjerelid» ½ dl i kvennskatt.

Frå 1618 er Oluff Bierrelie nemnt som øydegardsmann og i åra 1628—37 Ranni Berelid, som trulig er enka etter Oluff. Det kan då ikkje vere den same Ola som me finn på Bereli i 1640-åra og utover. Han heitte Oluff Salvesson og var 65 år i 1664. Oluff og hans quinde er på B i 1645. Då er au Eiven og kona der. Eiven, eller Effuen som dei skreiv, står som eigar frå 1643 og utover til 1651. Frå 1652

har me Arne Pedersen som eigar. I 1657 står han oppført som eigar saman med Ola. Dei er begge brukarar, men Arne betalar mest i kvegskatt.

Eiven åtte au 2 ksk i Helleland. Det er då trulig at både han og Ola (Oluff Salvesson) var søner til Salve Helleland. Etter tradisjonen sette storgubben på Helleland ein av sønene sine i Bereli, men det skulle ha vore eit hundre år tidligare. Me får nok ikkje sikkert greie på hossen dette heng i hop, men både namn og gods tyder på hopehav med Helleland. Og tradisjonen stør dette.

Arne Pedersen var nok gm enka etter Eiven på Bereli. Ho heitte Gunborg Karlsdtr. Det kunne ikkje vere med henne at Eiven hadde gods i Helleland, så det var nok Eivens gods. Arne kan me gjette var son til Peder Hørte. Han åtte, som nemnt under Hellelands-ætta, bruket i Bereli på vegne av kona og «stiffbørn».

Ola Salvesen panta bort bruket sitt til Knud Vigeland, som står som eigar av 1½ gsk eller halve garden i matr 1668. Berelid var då sett opp i skyld til ¾ hud eller 3 gsk. Dette bruket går sidan over til Auen Jensen som var gm Karen Olsdtr. Det var sk etter dei på Bereli i 1708. Ved dette skiftet seier Jens, sonen, at

jordegodset i B er hans mors odelsgoods. Far hennar hadde «utsatt» garden til Knud Vigeland, men løyst han att «med paastaaende huser, herbyrger, underliggende saugsted og andre herligheder».

Øven Jensen, eller Auen som dei sa, var frå Kleveland i Finsland. Det fortalte gamle Auen Borkedal til Nils Igland. Auen Borkedal som var tingmann i 1824, sat ein heil dag og fortalte til Nils Igland og han har skreve opp m. a. dette. Auen fortalte at Øven Jensen — som var bestefar til hans bestefar — gifte seg med ei gardjente i Bereli. Som me har sett er det rett. Han fortalte vidare at kona til Øven hadde ei søster som fekk det andre bruket i Bereli. Ho blei g med ein som heitte Halvor.

Dette med Halvor er rett nok. Halvor Berulsen er nemnt som husmann på Bereli 1672—74. Han gifte seg nok på den tida, men kona hans heitte nok Ragnhild Eivensdtr. Ho var trulig søskenbarn til Karen.<sup>2</sup> At dei er nemnt som søsken halvtanna hundre år seinare, er vel då ikkje så underlig. Tradisjonen tyder i alle fall på at dei har vore i nær slekt.<sup>3</sup>

Etterkomarar etter Ragnhild Eivensdtr og Halvor sat på Bereli til 1780. Det året dør Halvor Madsen. Han hadde to døtre. Dei heitte begge Maren og begge kom som koner til Hørte. Den eldste blei gm Eiven Salvesen, den yngre med Christoffer Knudsen. Eiven var elles av Bereli-folket og trimenning til Maren. Dei vigde i 1769. Eiven overtok så bruket i Bereli, 4½ ksk i 1781. Eiven Hørte hadde elles i 1767 stemna han som sidan blei svigerfaren for bruket i Bereli. Farfar til Eiven, som au heitte Eiven, hadde selt garden til ein yngre bror Mads i 1718. Eiven hadde gifta seg til eit bruk i Toskedal. Det blir opplyst i retten at Salve Hørte har lyst sin pengemangel til løysing av godset i 1738, 1749 og 1761. Domen går likevel Eiven i mot, og han må betale 18 dl i sakskostnad. Men eit par år etter

gifter han seg altså med gardjenta og får garden. Ved sk i 1780 blei bruket verdsett til 300 rd. Eiven sel bruket i 1800 til John Tellefsen Tveiten for 1200 rd. Aslak Øvensen Bærelie får så kjøp i 1803 for same sumen. Aslak har då heile Bereli. Men i 1811 får Salve Eivensen Hørte stadfest hogstforbod og annan ringegjering av 4½ ksk i Bereli som han meiner å ha odelsløysingsrett til. Då saka kjem opp for retten, seier Salve at han skreiv under på salget i 1800 då faren bad han om det, men han visste ikkje at det galdt noen odelsrett til godset, ein rett som han aldri hadde tenkt å skrive frå seg. Han får au medhald i retten. Aslak blir dømt til «neste aars faredag 14. april aa fravige og ryddiggjøre omstevnte 4½ ksk jordegods i gaarden Bærelie med huser og herligheder samt 1/9 part i Bærelie priv. saug». Denne løysinga blir det ikkje noe av og bruket går ut av denne ættleken på Bereli og over til ættingane etter Karen Olsdtr og Auen Jensen.

Det var som nemnt sk etter Karen Olsdtr og Øven Jensen i 1708. Dei var like gamle og blei gravlagd same dagen. Jens var einaste sonen. Buet hadde ei gjeld på 141 rd. Bruttoeiga var bare 126 rd, og av dette var 50 rd for 4½ ksk i garden. Ole Larsen Lindtveit fekk utlagd garden for pengar han hadde til gode. Ola var son til rikingen Lars Terkelsen Lindtveit som dreiv med å låne ut pengar. Mange i Landvik, serlig i Øvrebygda, sat i gjeld til han.

Jens får nok løyst inn garden. Noe medel fekk han med kona, Torbor Torjusdtr Hørte. Jens døde alt i 1723 og kona året etter. Eldste sonen, Auen, er då bare 6 år. Veit ikkje hvem som nå dreiv garden, men det var ein Jacob der i åra 1725—29. Han har trulig vore brukar til Auen kunne take over. Auen sat på Bereli til 1788 då han sel til Aslak, ein av dei yngre sønene, for 100 rd. Sjøøl flytter han med den

eldste, Jens, som hadde kjøpt eit bruk i Birkedal. Aslak fekk som nemnt kjøp på resten av garden (Indre Bereli?) i 1803 og fekk dermed heile garden. I 1820 «har Aslak Øvensen Bærlie udgivet sin aasædesbestemmelse og deling av 9 ksk jordegods i B, det halve til sønnen Øven, og det andet halve for sønnen Erich». Men Aslak gir ikkje opp til deling før i 1826. Det er opplyst at Erik fekk Indre Bereli som faren hadde kjøpt i 1803. Eiven Hørte hadde leigt bort garden og det var fleire brukarar. Jens Olsen Helleland sat der først i 1790-åra. I 1801 var Ommund Carlsen der.

Aslak Bereli sat godt i det. Sønene får ikkje det heile i 1826, bare 5½ ksk for 550 spd. Og garden blir ikkje delt. I 1838 står Bereli som eit gnr (lnr 160).

Det var ikkje lenge Auen Aslaksen blei brukar i Bereli. På heimferd frå ei likferd på Vigeland i 1827 bleiv både han og kona då dei skulle gå i land frå båten ved Engrova. Dei hadde tri små born som blei fostra hos morbroren Gjerul Hunsdal. Han leigde bort garden i 1829 til Ole Aasulsen Landvig-eie for årlig avgift 15 spd og styrte elles med garden. Aslak Øvensen hadde fått utlagt garden i 1829 for 600 spd, men Aslak døde av tæring i 1845, bare 20 år gamal. Søstrene Maren og Trine Bergitte får då garden for 800 spd. Trine vigjer i 1848 med Ole Johnsen frå Grindheim og Maren med Engel Stenersen Skiftenes. Og dette året er det utskifting. Dei hadde ått garden i hop med farbroren Erik Aslaksen. Heile garden er nå i skyld 4 dl 3 ort 18 sk. Erik får 2 dl 1 ort 21 sk, Ole Johnsen 1-2-11 og Engel Stenersen 4 ort 10 sk. Ole hadde kjøpt noe (lnr 160 b) av svogeren. Engel sel elles sin part (lnr 160 c) i 1850 til Gjerul Rasmusen Hunsdal og Anders Olsen Salvestjønn for 567 spd. Kjøparane deler i 1862 slik at dei hver får 2 ort 5 sk. Engel og kona reiser til Amerika.

Ole Johnsen sel sin part i 1856 til Erik Aslaksen for 1800 spd og flytter med huslyden sin til Dønnestad i Tveit. Erik får då lnr 160 a og b av skyld 3 dl 4 ort 8 sk. Erik døde i 1867. Den eldste av sønene, Aslak, som var ugift, døde av eit ormehogg i 1871, og den yngre broren, Ole, overtok då. I 1877 blir lnr 160 a og b slått saman med nr 160 d, det som Anders Salvesen fekk ved utsk. i 1862. Garden fekk nå samla skyld 4 dl 1 ort 13 sk. Det er heile Bereli så nær som lnr 160 c som Gjerul Hunsdal åtte og som i 1863 blir slått saman med lnr 159 a Hunsdal til eit bruk.

Ola Bereli sat hardt i det i dei tronge tidene i 1880-åra. I 1888 lyt han selje to skogstykke, Beruldstykket og Snarebakstykket, ⅓ av garden. Det får lnr 160 e og er det seinare bnr 2 av skyld 3 ort 14 sk eller mk 1.38. Ola greier seg likevel ikkje på garden, som går til auksjon. I 1889 får D. Wigeland skj på bnr 1—2 for 7100 kr. Han sel i 1891 til sakf. I. H. Bakke og E. Grønneberg for 9000 kr. Dei sel i 1899 til C. B. Evensen for 10 100 kr. I 1901 kjøper så Ole O. Hørte for 11 000 kr. I 1910 går garden over til svigersonen, lensmann Karl Wangsnes i Mykland, for 15 800 kr. Olav Wangsnes overtok i 1950 for 60 000 kr. Med i denne handelen var au gnr 63 bnr 3 Hunsdal som lensmann Wangsnes hadde kjøpt i 1923 for 7000 kr.

Ola Bereli leigde garden så lenge han levde og etter han sonen Erik i mange år. Erik flytta i sine eldre år til Vigeland. Og med han reiste den siste av det gamle ættlegget frå garden.

*Eigarar og brukarar gjennom 300 år.*

Ca. 1618—ca. 1628	Olluff
« 1628— « 1638	Ranni
« 1638— « 1651	Eiven (Salvessen) og Oluff Salvessen. (Garden delt.)

*4½ ksk.*

Ca. 1651—ca. 1672 Arne Pedersen gm enka etter Eiven  
 « 1672—1718 Halvor Berulsen gm Ragnhild Eivensdtr  
 1718—1741 Mads Halvorsen  
 1741—1780 Halvor Madsen  
 1781—1800 Salve Eivensen Hørte gm Maren Halvorsdtr  
 1800—1803 John Tellefsen Tveiten  
 1803— Aslak Øvensen (sjå nedanfor).

*4½ ksk.*

Ca. 1651—ca. 1680 Oluff Salvessen  
 « 1680—1708 Øven Jensen gm Karen Olsdtr  
 1708—1723 Jens Øvensen  
 1723—1788 Ouen Jensen  
 1788—1803 Aslak Øvensen (sjå ovanfor).

*Heile garden.*

1803—1826 Aslak Øvensen

*4½ ksk.*

1826—1827 Øven Aslaksen  
 1827—1845 Aslak Øvensen  
 1845—48(56) Maren og Trine Bergitte Øvensdtr.

*4½ ksk.*

1826—1856 Erik Aslaksen.

*Heile garden.*

1856—1867 Erik Aslaksen  
 1867—1871 Aslak Eriksen  
 1871—1888 Ole Eriksen  
 1889—1891 Daniel Vigeland  
 1891—1899 I. H. Bakke og E. Grønneberg  
 1899—1901 C. B. Evensen  
 1901—1910 Ole O. Hørte  
 1910—1950 Karl Wangsnes  
 1950— Olav Wangsnes.

Har bnr 1 av skyld mk 7.38 og bnr 2 skyld mk 1.48.

*Utsåd, avling og buskap gjennom 200 år.*

	Utsåd		Avling		Buskap				Merknad
	Bygg tn	Potet tn	Bygg tn	Potet tn	H	N	S	G	
1668	1½					6	6		6 smaler
1723	3				2	6	10	10	
1792	6	½	32	4					
1867	3	3	15	21	1	7	10	0	

Dette er etter matr.opp-gaver og skatteopp-gaver. Til korreksjon har me m. a. sk etter Auen Jensen i 1710. Han brukte halve garden og hadde hest, 3 kyr, 1 kvie, 1 kalv, 6 sauer og 3 geiter.

Mads Halvorsen (på det andre bruket) hadde i 1739: 1 hest, 5 kyr, 1 kvie, 1 stut, 9 sauer, 6 geiter.

1780. Halvor Madsen: 1 hest, 5 kyr, 1 kvie-kalv, 14 sauer, 12 geiter.

1820. Aslak Øvensen (heile garden): 1 hest, 9 kyr, 1 stut, 11 sauer, 5 lam, 7 geiter, 5 kje.

I 1875 er buskapen: 1 hest, 6 kyr, 1 ung-  
dyr, 10 sauer og 1 gris. Og dei sår  $\frac{1}{12}$  tn kveite, 3 tn bygg og set 4 tn poteter.

*Garden nå.*

Det er oppgitt (1955) at det er 10 dekar dyrka mark (mot 19½ i 1867), buskapen er 2 kyr, hest og 10 sauer. 2000 dekar produktiv skog. Sætehus bygd 1860 i 2 høgder — 78 kvm. Uthus med fjøs av gråstein bygd 1860. Stolphus.

*Skogen.*

Med den store skogvidda som høyrer til garden, har skogsdrifta vore ein viktig del av næringsgrunnlaget ned gjennom tidene.

I sk 1710 heiter det: Angav sønnen at have i drift oppaa veie 10 tylfter furresaugtømmer ved Wigelands-eied vurderet a tylft 1 rd, 11 tylfter eege maallast, den ½ part ved Wigelandseied, og den anden ½ part

hiemme paa Bærelies eie, vurderet a tylft 1 ort 16 sk. 4 tylfter eegeplanker til skudebygning ved Røyne-eied a tylft 2 rd.

I 1743 får Ouen Jenssen og Mads Halvorsen «kongl. allernaadigst bevilling paa 1440 bords aarlig skiørsel paa en under Bærelie værende saug». Av ei rettssak i 1758 får me vite at det ikkje har vore skore til utførsel i åra 1744—48, men nå er dei stemna for «900 bords over-skur». Dei blir dømt til å betale dei fastsette bøter. Eigarane av saga var då forutan dei på Bereli: Aanon Larsen Toskedal, Jon Berulsen Hunsdal, Ommund Nilsen Tveden, Daniel Guttormsen Sneløs og Daniel Olsen Ørteland.

I 1777 er det ei tingsvitnesak om levering av kol til Frolands Verk. Dei hadde ikkje levert det dei skulle etter pålegget. Dei to bruka i B var hver pålagd 20 lester kol, eller tilsaman 480 tønner. Vitna meiner at bruka ikkje kan greie meir enn 12—13 lester hver. Dei klagar og over at køyrebetalinga er nedsett og at dei får oppgjør i «vahre», endå det i contraboka står oppført «contant betaling».

Om Bereli sag heiter det ved eit sagskyn 1816: Bekvemt fald. Aarlig skur 26 tylter.

I 1867 er det oppgitt at dei kan drive av skogen for netto 84 spd til året. Om hva prisar dei fekk noen år etter dette fortel Kr. Stalleland: «I verste nedgangstidi i 1880-åri vart han (Ola Berelid) nøydd til aa selja ein god skog, mesteparten fura, for 5 kr. loddet til Thue Johnsen. Dette knekte han reint. Daa han saa var aa kalle skoglaus, laut han kring 1888 selja heile garden paa tvang.»

Så me skynar at det var med salg av skogen dei gjerne hadde berga seg.

#### PLASSAR

Inne ved Hemingsvatnet låg fleire plassar under Bereli. Plassane er nedlagde nå, men i Baarshei budde det folk etter hundreårsskiftet. Dei andre plassane var Hemingstveit og Rinnen.

#### Hemingstveit.

I 1827 fester Øven Aslaksen plassen «Øde-gaarden eller Hemmingstvedt» til Torjus Tønnesen Kilands-eie og kona hans. Kona heitte Gunlaug (Gunløf Andersdtr) og ho døde i 1861 — 77 år gl. Torjus, som var f i Birkenes i 1801, døde hos dottera Anne på Baarshei i 1879. Dei hadde ein son Anders som var f i 1828. Han vigde i 1870 med Tone Johannesdtr Senumstad. Dei var på Helleland i 1871—72. Det var ikkje folk på Hemingstveit i 1875. Torjus var då på Baarshei, så plassen var nok blitt lagt ned.

#### Rinnen.

Erik Aslaksen fester i 1836 plassen «Rindene» til Anders Nilsen Hørte og kona. Ho heitte Siri Tallaksdtr. Dei fekk ein son Nils i 1841 og han kom til Baadreis. Anders døde der i 1867 — 68 år gl. Siri, som var f 1801, døde på Baadreis 1879. Det må vere om henne at dette ennå blir fortalt i bygda: Mannen i Rinnen hadde høy på Haukaasheia. Ein vinterdag skulle han hente høy i ei løe der. Då fann han eit jentebarn som ennå levde. Han bar henne heim. Og ho levde opp, endå ho var mest klaken. Dei tinte ho opp i kaldt vatn, så isen stokk ut, sa dei. Ho blei gift i Rinnen. Ein son kom til Baadreis.<sup>4</sup>

Er det noe i denne tradisjonen, må det ha vore plass i Rinnen kring 1800, men folket. 1801 har ikkje noe om det.

#### Baarshei.

Christen Christensen, som var f i Øyestad i 1818 tente på Helleland. Han vigde i 1844 med Anne Torjusdtr Bereli. Ho var dotter til Torjus Tønnesen som er nemnt før. I 1852 får dei feste på Baarshei for 22 spd og årlig 4 arbeidsdagar. Dei hadde desse borna: Thor Christian 1847, Gunhild Marie 49—71, Aase

Margrethe 51—52, Aase Margrethe 1854 d.s.å., Aanon 56 d.s.å., Aase Margrethe 60, Gurine 64, Hans 66. Dei budde på Baarshei i 1875 og hadde då 1 kalv, 2 sauer, 4 geiter, sådde  $\frac{1}{12}$  tn havre og sette 2 tn poteter, så det var ikkje så rar plassen. Kristen døde på Gjerbrynna i 1903, Anne året før.

*MERKNADER*

1. Sjå Helleland og Hellelands-ætta.
2. Sjå Helleland.
3. Om Øven Jensen og etterkomarane hans sjå Klevlands-ætta. Halvor Berulsen veit me ikkje noe om. Me fører han opp som stamfar for Bereli-ætta.
4. Etter Erling Nesbu, Hunsdal (1958).



---

## HELLELAND

Gnr 66

I 1624 eig «Torgie Salfuessen Heldeland til odel med sine 8 søskende» 1 hud i Helleland. Denne store søskenflokken kjenner me ikkje nærare til, men Salve Helleland som er nemnt som krone- og leiglendingsbonde 1610—17 må vere faren. Og me må vidare gå ut frå at han er son til Thorger Hillelandt som er nemnt i 1560 i Erik Munks rekneskapsbøker: 3 daler aff Oluf Thueden for handt stack Thorger Hillelandt itt kniffsting.

Det er trulig Torger som har fått kjøp på noe av Helleland, for i 1576 åtte Aase Eivindsdtr som var gm Anbjørn Midtbø både Hørte og Helleland og øydegardane Hunsdal, Toskedal og Tønnesøl. Bak på dokumentet om dette<sup>1</sup> er det ført på: Det bekende jeg Torgier Helleland jeg gaff Annbøn en iii (3) lod sche och en brodkuittel noc en daler i penig . . . . Resten er så uheilt at ein ikkje kan lese det, men trulig er det vel slik at Torgeir fekk ein part av garden for dette, tri lodd sølv, ein kvitel og ein dalar. Gardverdet var lågt den gongen og Anbjørn klaga over at han ikkje hadde fått landskyld av eigedomane.

Når Torgier var ute i denne bardagen i 1560, kan me sikkert gå tilbake til ikring 1540 når me skal gjette på når han var fødd. Me får såleis ei ætterekke på over 400 år, for etter-

komarar etter Torgier, namnet som sidan blei til Terje, lever på Helleland den dag i dag. Men garden er fleire gonger gått vidare i kvinneled, og nye ætter komne til gards. Først må me nemne «Store Terje» eller Terje Andersen Hardeberg av Hørte-ætta som vigde med Targjerd Salvesdtr Helleland ikring 1700. Dei fekk det nedre bruket som hadde vore i eiga til Hørtefolka sidan 1673.<sup>2</sup> Og så har me Jens Olsen frå Lauvrak i Froland som gifte seg til det øvre bruket då han i 1731 vigde med Aase Terjesdtr. Dei fekk mange etterkomarar.<sup>3</sup>

Torgie (Salvesen) Helleland er nemnt i åra 1623—37 og er trulig død kring 1640. Olluf Torgessen er 45 år i 1664 og Salve 40 år. Det må vere sønene hans. I 1643 eig Ola (Oluff) 5 gsk 1 ksk i H og saman med broren 1 gsk i Toskedal. Han og kona og ei jente Astri er på garden i 1645. I 1647 eig han 11½ ksk, leiger det same av Knud Vigeland og 1 ksk av Gunhild Tyssekil, tilsaman 2 huder. Det same finn me i åra fram til 1657 då han er ført opp som eigar av heile garden. Han betaler det året 2 dl 2 ort 5 sk i kvegskatt. Det er elles ein Stian då, han betaler 1 dl 1 sk i skatt, så han må ha bruka ein part av garden. Denne Stian heiter Stian Rasmussen og han betaler ½ dl i husmannsskatt i 1661. Sidan er han ikkje

nemnt. I 1661 heiter det om Helleland: 2 huder. Oluff Torgiussen eier og bruker dem allene. Ola må vere død i åra 1664—68, for i 68 er Salve ført opp som eigar og brukar av 1 hud og Arne Pedersen har 1 hud som han eig med pant. Han er au brukar. Annan stad er han nemnt som Aadne Bereli. Det var sk etter han i 1673 den 15. mai. Då blei den huda han hadde lagt ut til Michel Suhm og Rasmus Madsøn. Dei gav 25. juni same året skj på jordegodset til Peder, Anders og Thorgius Christoffersøner Hørte, men enka etter Aadne, Gunbør Larsdtr, skal få bruke garden så lenge ho lever mot årlig avgift 2 rd, heiter det. Dei på Hørte åtte såleis halve Helleland. Det var trulig det nedre bruket som Store Terje — son til Anders Christoffersen Hørte — Hardeberg — overtok då han vigde med Targjerd Salvesdtr og flytta til Helleland.<sup>4</sup>

Det var nok ikkje så mykje Terje Andersen åtte i Helleland då han kom dit. I 1704 make-skifter han med farbroren Torjus Christoffersen 3 ksk i Helleland mot 3 ksk i Hørte. I 1701 er han brukar av 9 ksk, men 1 hud i 1723. Sonen Salve gifter seg i 1724 og får då trulig halve garden. Både far og son dør i 1730. Ved sk hadde dei 6 ksk hver i garden.

#### *Det øvre bruket.*

Salve Tergiesen døde i 1701 — 78 år gl. Han åtte då 6 ksk i garden, men hadde hatt 1 hud tidligare, såleis ved sk etter første kona Sigri Gundersdtr 24/10 1674. Dette jordegodset hadde vore faren Tergie Salvesøns odel . . . af hannem udstedett til Knut Torgiussen Wigeland og siden igjen af Salve Tergiesen indløst, heiter det i sk etter han i 1701. Ved første sk fekk dottera Helje halvparten, 6 ksk. Ho var gm Peder Tellefsen Stie.


Salve sat elles godt i det. Han åtte laus-øyre for 155 rd. Utanom jordegodset i H hadde han omlag 1 hud i Kiland. Dette hadde han

panta til seg av rikingen Laurits Torkelsen Lindtveit for 93 rd.

Terje Salvesen vigde i 1704 med Johanne Eriksdtr Bjelland (Ø). Ho var av Pros-folket frå Udjus. Terje døde alt i 1719, bare 36 år gl. Han var den siste i mannsline av den gamle ætta på Helleland. Johanne vigde oppatt same året med Christoffer Knudsen Hørte på Tønnesøl og dei er på garden i åra framover. Aase Terjesdtr vigde i 1726 med Lars Terjesen Nærebø. Han døde tri år etter. Dei budde på H, men bruka ikkje garden, det syner skiftet i 1730. Aase, som var gardjente, vigde så i 1732 oppatt med Jens Olsen Lauvrak og dei overtok garden. Jens fekk etter hvert eigedomshand over heile bruket. Såleis kjøpte han 6 ksk i 1741 av Kristoffer Knudsen «tillige med et skovstykke under denne gaard». Han fekk det billig — 90 rd. Med kona fekk han bare 1½ ksk. Resten, 4½ ksk, kjøpte han av svograne i 1746.

Etter at Jens døde i 1766 sit enka med halve garden til sin død i 1773. Sonen Ole overtar, men får først skj i 1776 på resten av garden av svograne sine. Ole døde i 1780 og enka Inger Andersdtr sit så trulig med garden til sonen Jens overtar i 1797. Jens budde før på Bærel. Han kjøper 6 ksk av mora i 1800 for 1000 rd.

Det hadde vore stor rikdom på øvregarden. Jens Olsen var ved skattelikninga i 1743 ein av dei rikaste i Landvik med ei eige på 818 spd utanom jordegodset. Sonesonen, som au heiter Jens Olsen, må i 1825 låne 500 spd av konsul Pharo i Grømsstad, og fire år etter gir han og kona frå seg garden 1 hud med hus som er taksert for 750 spd. Det er selt laus-øyre for 300 spd. Ole Jensen som arving og odelsmann legg til 50 spd og eiga er då til saman 1100 spd, men gjelda 995 spd. Ole skal overta garden mot å syte for foreldra så lenge dei lever. Etter at skifteknad er dregen frå,



Helleland.

er det bare 96 spd til deling mellom arvingane. Ole døde alt i 1835. Garden går då over til broren Eiven. Han får garden til eigedom ved sk etter faren i 1840 for 900 spd. Det er då pante- og kjøpmannsgjeld for 678 spd. Eiven låner 600 spd i Norges Bank i 1848, og i 1851 får han eit lån på 200 spd av Øven Terkelsen Hesthagen, trimenningen hans. Eiven hadde såleis mykje gjeld og betre blei det visst ikkje med åra, for han sel etter hvert frå av garden. Kr. Stalleland fortel det slik:

Anders Sjurson Skogtveit fekk Katthagen for billeg pris. Hans, bror hans, fekk stedsmål på Engrova. Jon Terjesen Helleland, ein vestlending, som stundom vart kalla Jon svenske, vart gm ei syster (av kona til Eiven) Berte Skogtveit, og so fekk han billeg kjøp på Haugen av Helleland . . . . Det er sagt at Eiven stod seg ringt på desse handelane sine, so ringt at han såg seg nøydd til å selja helfti av garden til grannen, Nils Terjeson Helleland. Og då Nils snart etter døydde, fekk enkja Karen og mannen hennar Skjellaug gardparten. Då so dei flutte til Væting i Herefoss i 1877, selde dei til Ola Hyrte (som då budde på Toskedal) for kr. 10 000. Det var upptald 1000 tylfter med hoggande skog.

Etter pantereg. er alt dette skild ut i 1866.

Anders Syvertsen fekk lnr 161 b av skyld 12 sk for 240 spd (seinare bnr 2 Karthaven). John Terjesens eigedom blir utskild same år med skyld 12 sk. Han fekk skj i 1869 for 240 spd (nå bnr 3 Haugen) skyld mk 0.23. Eigar frå 1956: Arne Helleland.

Til Nils Terjesen blei utskild halve garden med skyld 2 dl 1 ort 9 sk. Han fekk skj i 1868 for 1500 spd (nå bnr 4).

Den halvparten som Eiven sat att med hadde same skyld. Sonen Ole får så i 1869 denne gardparten for bare 310 spd og lausøyre på kjøpet.

I 1884 blir det vidare fråskild 2 parsellar. Ola Osulsen Hørte hadde i 1873 (ikkje 77 som ovanfor nemnt) kjøpt bnr 4 og fekk nå kjøp på eit stykke skyldsett til 22 sk for 750 kr., og Terje Nilsen fekk eit stykke av same skyld (38 øre), også for 750 kr.

I 1889 blir fråseld skogstykket Havestuen av sk 1 ort 7 sk, rev. 54 øre, med andel av foss, sagplass og stemmerett for 1000 kr. (bnr 8), og i 92 stykket Kalvesanlia bnr 11 av

skyld 54 øre for 1000 kr., begge til Ole Osulsen Hørte. Og endelig blir det i 1897 fråskild parsellen Ramsevollen bnr 12 av skyld 33 øre, seld til Terje Nilsen for 400 kr.

Det øvre bruket, som har bnr 1, har då att ei skyld på mk 2.32. Eignedomen er på 10 dekar dyrka jord og 500 dekar skog. Sætehus i 2 høgder 80 kvm bygd etter brann i 1770. Uthus 1860.

#### *Bnr 2 Karthagen*

er som nemnt utskild frå bnr 1 i 1866, men alt i 1852 blei det bygd hus der. I 1889 blir fråskild parsellen Sponliane av sk 5 øre, seld av Ragnhild Jølsdtr, enke etter Anders Syvertsen, til Ole Aasulsen Hørte for 470 kr. Fekk bnr 9. Slått saman med bnr 4 i 1928, men seld av Osul Hørte til Anders Syvertsen i 1936 for 2500 kr. og er dermed komen tilbake til eigaren av bnr 2 (har nå bnr 13).

Ragnhild selde au i 1889 frå parsellen Hørte-dal av skyld 2 øre for 350 kr. (bnr 10). Ho selde så resten til sonen Syvert Andersen for 1380 kr. I 1923 gir enka etter Syvert, Anne Bergitte, over eignedomen til Anders Syvertsen for 5800 kr.

Bnr 2 har skyld 14 øre, har 6 dekar dyrka jord og er på i alt 86 dekar. Uthus bygd 1880.

Bnr 13 Sponliane har skyld mk 0.40.

#### *Bnr 3 Haugen.*

Utskild frå bnr 1 i 1866. John Terjesen kjøpte denne eignedomen. Han var frå Hadde-land i Eiken og kom til Landvik i 1859, 24 år gl. Han var ein glup arbeidskar og fór og skjerpa vidt og breidt. Han selde skjerpa til eit lag dei kalla Store Østfjell og fekk seg noen pengar. Selde så Haugen til Nils Madsen Helleland og flytta til Redal.<sup>5</sup> Det må trulig ha vore i 1879, for då ser me at Nils Madsen Helleland gifter seg. Han var f på Fitje i Froland.

Eignedomen gjekk så over til dottera Maren som var jordmor i Landvik. Eigar frå 1956 er son til Maren, sokneprest Arne Helleland, som fekk skj for 5000 kr.

#### *Bnr 4.*

Gjekk ut frå bnr 1 i 1866, skyld 2 dl 1 ort 9 sk. Nils Terjesen fekk som nemnt skj i 1868 for 1500 spd. Enka hans, Karen, fekk utlagd eignedomen i 1873 for 1550 spd. Ho vigde med Skjelluf Knudsen, og han sel same året denne eignedomen som er utan hus, til Ole Osulsen Hørte for 2000 spd. I 1902 går eignedomen over til Osul O. Hørte, som i 1928 slår saman denne eignedomen og bnr 5, 8, 9 og 11 (sjå tidligare). Eignedomen får då ei skyld av mk 6.80, mot tidligare mk 5.— I 1935 blir Sponliane som nemnt fråskild. Restskyld mk. 6.40. Grimstad Sparebank slår til seg denne eignedomen i 1939 for 14 000 kr., men Olav O. Hørte får kjøpe han att i 1940.

#### *Det nedre bruket.*

Tidligare er nemnt at Terje Andersen — Store Terje — av Hørte-ætta kom til dette bruket, trulig då han gifte seg med Targjerd Salvesdtr i 1698.<sup>6</sup> Terje og sonen Salve døde same året (1730). Son til Salve, Nils, var då bare 5 år. Farbroren, Anders Terjesen, styrde så med garden til Nils gifte seg i 1748. Året før hadde han lyst sin pengemangel til løysing av 6 ksk i garden, men i 1749 får han kjøpe den halve huden av farbroren for 94 rd, og i 1763 får han skj på resten av Aasul Salvesen Øye som blei gm mor hans, Aase Nilsdtr i 1731. Dei flytta til Øye der Aase var komen frå.<sup>7</sup>

Då Nils døde i 1778, var bare sonen Mads i live, 23 år gl. Nils hadde som nemnt 1 hud i Helleland som blei verdsett til 264 rd. Han hadde dessutan 1/3 i Tønnesøl sag verdsett for 16 1/2 rd. Eiga var tilsaman 349 rd, men gjelda

var stor så det var bare 54 rd netto. Eigedommen blir då utlagd til kreditorane og Mads får først skj i 1784 for 266 rd, som gjelda då er. Mads var først gm Aase Andersdtr Hardeberg og sidan med Gjertrud Beintsdtr, enke etter Terje Salvesen Stalleland. Son til Mads, Nils f 1778, vigde med Aase Terjesdtr Stalleland, og med dette kom  $\frac{3}{4}$  av medelen på Stalleland, eller ca 300 dl til Helleland.<sup>8</sup> Mads hadde elles kome seg godt opp. Ved sk etter første kona i 1791 åtte han 1 hud i H for 400 rd, og lausøyre for 189 rd og hadde ikkje gjeld.

Mads sit med garden til 1815, då han og kona gir seg i follaug til sonen Nils. Men Nils dør alt i 1820 og enka, Aase Terjesdtr, får då garden. I 1834 byter ho ut 8 ksk til sonen Terje. Resten 4 ksk får Nils Terjesen ved sk etter bestemora Aase i 1856 for 1200 spd. Ved sk etter faren overtok han dei 8 ksk for 2200 spd. I 1872 blir så begge eigedomane slått i hop att.

Nils Terjesen som vigde med Karen Serine Ellefsdtr Væting i 1860 døde alt i 1868, bare 30 år gl. Han hadde som nemnt auka eigedommen ved tilkjøp av halve øvre bruket, utskild i 1866. Blei seld att i 1873 (sjå bnr 4). Karen vigde som nemnt oppatt med Skjelluf Knudsen (frå Hf.). Dei sat med garden til 1873 då Terje Nilsen overtok for 3500 spd (bnr 7). Tidligere er nemnt at Terje kjøpte eit par stykke av det øvre bruket, bnr 6 utskild 1884 av skyld 38 øre, og i 1897 bnr 12 Ramsevollen av sk 33 øre. Begge desse blei i 1927 slått saman med bnr 7 og skyldet på eigedommen auka då frå mk 10.45 til 11.16. I 1949 blei fråskild bnr 14 Haugan av skyld 6 øre. Landvik kommune, Hørte skolekrets, fekk skj på dette i 1951 av Hans T. Helleland for 1400 kr. Skyld nå mk 11.10. Hans fekk garden i 1947 for 88 000 kr.

Bnr 7 har 28 dekar dyrka jord og 1500 dekar skog.

#### Bnr 10 Hørtedal

blei utskild frå bnr 2 i 1889. Ole Hansen gm Kjersti Andersdtr Helleland (Skogtveit) fekk denne eigedommen. Ole var f på Oveland i Froland 1864. Dei hadde borna Bergitte 86, Anders 88, Hans 91—92, Ragnhild Tomine 93, Hans 95 d.s.å.

Kjersti døde 1895 og Ole g seg oppatt med Oline Jensdtr f Omdal i Iveland 1869. Dei fekk døtrene Kirsten 98, Torbor 1901, Helga 1903. Jenny f 1909 har eigedommen sidan 1954. Sætehus i 1½ høgd, bygd 1889.

#### Eigarar og brukarar gjennom 400 år.

##### Heile garden, 2 huder.

Ca. 1560—1600	Thorger Helleland (eigar frå ikr. 1576?)
« 1600—1620	Salve (Torjesen)
« 1620—1640	Torgier Salvesen
« 1640—1665	Oluf Torgiesen.

##### Øvre bruket.

Ca. 1665—1701	Salve Tergiesen
1701—1704	Aase Jonsdtr, enke etter Salve
1704—1719	Tergie Salvesen
1719—1732	Johanne Eriksdtr, enke etter Terje gm Kristoffer Knudsen
1732—1766	Jens Olsen gm Aase Terjesdtr
1766—1773	Aase Terjesdtr
1773—1790	Ole Jensen
1790—1797	Inger Andersdtr
1797—1829	Jens Olsen
1829—1835	Ole Jensen
1835—1869	Eiven Jensen. (Garden delt 1866.)
1869—1927	Ole Evensen (bnr 1)
1927—1947	Oline Jakobsdtr, enke etter Ole
1947—	Eivind O. Helleland

##### Nedre bruket.

##### 1 hud.

Ca. 1665—1673	Aadne Pedersen Bæreli
1673—1698	Peder, Anders og Torjus Hørte
1698—1724	Terje Andersen
1724—1730	Terje Andersen (6 ksk)
1730—1778	Nils Salvesen (Anders Terjesen brukar 1730—1748)

1778—1815	Mads Nilsen
1815—1820	Nils Madsen
1820—1834	Aase Terjesdtr, enke etter Nils
1834—1856	Terje Nilsen
1856—1868	Nils Terjesen
1868—1873	Karen Sørine Ellefsdtr
1873—1949	Terje Nilsen, Berte Hansdtr
1949—	Hans T. Helleland.

#### *Garden på 1700-talet.*

Dei sat godt i det dei gamle på Helleland. Skiftet etter Salve Terjesen i 1701 syner solid velstand, men luksus som sølvsaker er det ingenting av, heller ikkje tinn, så dei levde nok på gamal gjerd, utan «moderne» påfynster. Alt var elles ikkje heimegjort her heller, m. a. var der «1 flamsk benkedyne 4 aln lang med barked skind under» verdsett til 2 dl. Der er au flamske hynder og fleire andre «høiender». Så noe luksus var det nok likevel.

Av arbeidsredskap finn me det vanlige på den tida. Der er ridesaler, m. a. ein sal med beisel verdsett til 3 rd, eller like mykje som likaste kua.

Buskapen er på 8 kyr og dei heiter Lillieros, Guldrei, Blomrei, Kolrei, Bronkoll, Mørkrei, Natrei og Bleigrei. Det siste namnet har nok ikkje skrivaren skyna heilt, elles hadde det vel blitt Blegrei. Vidare er det 2 stutposar, 3 kvier, 12 sauer, 16 geiter, 2 rondbokker og 4 gjeldbokker, og så til slutt «røe hest 8 aar — 5 rd».

Det dei hadde åtte dei trygt. Det var bare 3 rd i gjeld. Og så hadde Salve au omlag ei hud i Kiland, som tidligare nemnt.

I 1719 er det sk etter Terje Salvesen. Då er buskapen 3 kyr, 2 kvier, 1 tjor, 2 kviekalver, 16 sauer og 8 geiter og hest. Som me ser har buskapen minka. Grunnen er nok at faren brukte ein del av bruket.

I 1731 er det sk på det nedre bruket etter Terje Andersen og sonen Salve Terjesen. Dei har hest, 3 kyr, 3 kvier, 1 stut, 10 sauer og 9 geiter.

Går me ut frå at dei hadde noenlunde same buskapen som i 1719 på det øvre bruket skulle det bli på garden: 8 kyr, 5 kvier, 2 stutar, 26 sauer, 17 geiter og 2 hestar. Til samanlikning kan nemnast at matr 1723 fører opp at garden kan fø 2 hestar, 12 naut, 12 sauer og 16 geiter. Som me ser høver oppgavene her tolig bra. Og det har gått fram frå 1668 då det heiter at garden kan fø 1 hest, 11 naut, og 16 «smaler». Utsåden er sett til 7 tn i 1723 mot 4 tn i 1668.

Dei dreiv nok av skogen i den tid, for det heiter i 1723: Skov til maadelig lastebreg. Det galdt elles om ikkje å gjere det alt for glubt, endå Helleland er rekna for ein god skoggard. Så når det i 1668 står: Skouff til smaalast, er det vel som andre stader når det gjeld skatte- ligning og slikt, at det er ikkje stort å skreppe av det ein har!

Går me så fram til 1760-åra, ser me av skifte etter Jens Olsen at buskapen er 3 kyr, 2 kvier, 1 kalv, 1 stut, 8 sauer, 2 verar, 12 geiter og hest. I stova har dei stolar og «1 rundt bord med dreiede stolper», her er tinnfat og tinn- tallerkar og sølv i mengde. Skrivaren tar m. a. «1 wallbierkande med beslaget sølv vegtig 43½ lod» for 21 rd 3 ort, og 6 skeier for 9 rd, eller til saman vel 6 kuverd!

#### *Garden brenn.*

Så kjem ulykka over garden. Ein desemberdag i 1770 brann alle hus på garden, og der stod dei vinterstid utan hus, utan innbu og reidskap som mest alt strauk med, likeins kret- turet. Me får vite om dette fordi Ole Jensen og Nils Salvesen Helleland 2. juli 1771 møtte i retten «og lod forestille at i december maa- ned sidst avvigte aar 1770, havde de den ulvkke at hos dem opkom vaadeild, hvorved ei allene begge deres enhver for sig havende ind- og udhuse blev aldeles afbrendt og lagt i aske, men endog tildels deres creature og løsøre-

midler blev opbrendt». Dei fører som vitne lensmann Knut Andersen Imenes og Ole Svensøn Snemyhr og krev tingsvitne på dette.

Me skynar at dei hadde fylgt den gamle skikken ved garddelinga å bygge i eit tun. Så var det å gå i gang med bygging, men dei laut sjølvsagt flytte frå vinterstid. Sætehusa som blei bygde etter brannen står ennå. Nils Salvesen bygde størst. Sætehuset som er i 2 høgder er på 120 kvm. Men han måtte nok sette seg i gjeld. Ved sk etter han i 1778 er gjelda 284 rd, men garden er bare verdsett til 264 rd. Han hadde lausøyre for 69 rd. Av krettur er det 5 kyr, 2 kvier, 6 sauer og 4 geiter.

At det tok tid å få bygt garden oppatt har me eit vitnemål om frå ei sak i 1777 då Ola Helleland m. fl. fører tingsvitne «om de forfald der har forårsaged den manglende kulle-drift fra dem sidst avvigte vinter til Frolands jernverk». Vitna blir då spurd om brannen på Helleland i 1770 og dei svarar at Ola har «aarlig været ocuperet med sammes istandsættelse som endnu ei er ferdig».

#### *Då dei skar ulovlig på Helleland sag.*

I 1780 får Ole Jensen «Kongl. allernaadigst bevilling paa denne gaards underliggende bygdesaug». På bygdesagene måtte dei bare skjere til eige bruk og til salg i bygda, og bare vankanta bord, men det var nok som Kr. Stalleland ein gong skreiv: dei skar og selde så hardt dei kunde. Det gjorde dei i alle fall på Helleland, ser det ut for. I 1811 melder Aslak Øvensen Bærelie «som eier av Bærelie qvantum saug» at han «den 14. januar ved Hellelands bøygdesaug har forefundet og ladt optælle syv hundre og sex tylder og fem stykker firskaarne udskibningsbord, og derom under 16. januar næst efter givet anmeldelse til Kongens foged, med tillæg at samme bord ved Salve Hyrte var skaarne og opstablede».

Saka om dette går i fleire år. I september

1815 blir så Jens Helleland og svogeren hans Salve Eivensen Hyrte dømt til å bøte 100 rbd sølvverdi «og betale alle de af sagen flydende omkostninger». Ikkje stort bedre går det forresten for aktor i saka, procurator Johannes Lind, som «tilpligtes for udvist forsømmelse under sagførselen at bøde 50 rbd sølvverdi til Øiestads sogns fattige». Han har vel vore av den meining at desse sagbruksprivilega var ein uting og har trenert saka, men det skulle gå ennå nærare femti år før dei endelig kom bort.

#### *Eit skifte frå 1820.*

Me såg at det ikkje sto rart til på det nedre bruket etter brannen i 1770, men dei kom seg godt opp der. I 1791 har Mads Nilsen som nemnt 1 hud i garden, lausøyre for 189 rd og ikkje gjeld. Buskapen har auka til 6 kyr, 4 kvier, 1 kviekalv, 14 sauer og 19 geiter.

I 1820 er det skifte etter Nils Madsen. Det blir då registrert lausøyre for 266 spd. Me skal nemne noe av det dei hadde:

*Til bordbruk og fest:* 1 sølvlaaget krus, 1 punseøse forgylt, 2 bæger, 6 sølvskeier, 1 sølvsukkertang, fleire tinnfat, flate og djupe, 2 dusin tinntallerkar, 1 stor kobberthekjel, ein mindre og 1 av messing, og vidare ei rekke dukar, m. a. 3 dreiels og 4 ringvevde, 8 stk kvite tallerkar, 1 blå og kvit kaffekanne, 4 par thekopper, 2 boller.

*Til kvinnearbeid:* 1 vevgang «med tilbehør», 6 vevskeier, rennebord, 1 hæggle, 2 strykejern «med tvende bolter», 1 med 1 bolt.

*Til gardsarbeidet:* 1 plog med tilbehør, 1 horv med jerntinner, 1 høivogn med hjul, 1 gjødselvogn. Dessutan vanlig reidskap.

*Til brygging:* 1 nytt bryggekar av eik, 1 gl av furu, 2 øltønner, 1 gl dito, 1 ølanker, 2de ølkander med tud, 2 mindre ditto, 1 malet øltudekande.

*Til skogsarbeid:* 2 vedsleder, 1 boltelenke, 1 ditto med haker. Økser.

*Til ferd og køyring:* 1 jernskodd karmslede, 1 «kjærkesele», 1 mannfolksale, 1 «fruentimmersadel».

Dei har 8 kyr, 1 stor kvie, 1 stut, 10 vaksne sauer med lam, men ikkje geiter, det ser det ut til å vere slutt med. Kunamna er nå: Livros, Söldona, Gulrei, Mairo, Donneros, Helrei, Terneros og Guldokka. Det

siste står elles skreve som Guldokken, medan stuten heiter Olger Danske!

I stova er det eit 8-dags stueuhr verdsett til 12 spd. Og så har dei fått speil med forgylt ramme, men elles er innbuet enkelt: 2 raudmåla vengebord, 1 langbord, 1 skatol, 8 raudmåla trestolar. Sengene er nok veggfaste, for dei er ikkje nemnde, men der er puter og dyner og omheng og ryer og sengetepper. Og forresten bleier au. Av bøker har dei Møllers Huspostill og «1 bog af Olaus Pavels».

Som me ser er det nok sumt som har skifta på 100 år, kaffe og te og sukker er kome i bruk, dei har fått mykje meir i huset, dei har fått køyregreier med hjul og mangt anna.

#### *Garden i 1860-åra.*

Me har tidligare nemnt oppgaver frå matriklar og skifte, for husdyrhald og utsåd. Ved ein odelstakst i 1834 kravd av Terje Nilsen er det opplyst at utsåden av korn (blandkorn) er 3½ tn med avling 16—18 tn. Poteter 2½ tn, avling 20—30 tn. Kan fø 10 kyr og hest, 20 sauer.

I 1867 (matr.kom) har Nils Terjesen 36 mål dyrka og før 8 kyr, 2 hestar, 15 sauer. Even Jensen har 10 mål, før hest, 2 kyr og 4 sauer. Anders Syvertsen har 1 ku. Nils avlar 23 tn bygg og 35 tn poteter, Eiven 5 tn bygg og 10 tn poteter, Anders ½ bygg og 7 tn poteter. Til å fø buskapen må dei slå mykje utslåtter, Nils i alt 23 lass, samla høyavling 100 skp, Eiven 8 lass utslått, høyavling i alt 22 skp, og Anders 1½ lass.

#### PLASSAR

*Baadreisliene.* I 1845 gir Eiven Jensen feste-setel til Anders Larsen og kona «paa et jord-

stykke kaldet Baadreisliene med adgang til buegang, løvning samt brænde og gjerdefang» mot årlig avgift 10 arbeidsdagar. Har ikkje funne noe meir om denne plassen.

*Enggrova.* Hans Syvertsen som var komen frå Skogtveit i Hf. fekk stedsmaal på denne plassen trulig kring 1860 då han gifte seg. I 1897 er tinglese leigekontrakt mellom Even Jensen og Hans Syvertsen for årlig avgift 12 spd, men Hans døde same året av tæring. I Enggrova hadde dei ku og 2 sauer i 1875. Sådde ⅓ tn havre og sette 2 tn poteter. Hans Syvertsen og kona med 4 born budde der då.

#### MERKNADER

1. Uprenta diplom i RA.
2. Sjå Hørte-ætta.
3. Sjå Lauvrak-ætta.
4. Både Nils Igland og Kr. Stalleland som har skreve om H., har kalla Terje Andersen som fekk det nedre bruket for Lille Terje. Det er ikkje rett. I kb 1704 4/9 er innført som døpt: Lille Terje Hellelands: Salve. Same året 21/11: St(ore) Tergie Hellelands: Anders. Tergie Helleland har ein son Salve i 1701. Det må vere Terje Andersen eller Store Terje, for Terje Salvesen (Lille Terje) var ikkje gift då. Me kan kontrollere dette seinare au. Det var elles rimelig at det var Terje Andersen dei kalla Store Terje, for han var så mykje eldre.
5. Etter Kr. Stalleland.
6. Kr. Stalleland skriv (Soga um Helleland) at Targjerd fekk det nedre bruket og bygde der i 1701, men det er nok ikkje rett.
7. Sjå Koveland-ætta.
8. Etter Kr. Stalleland.



## TØNNESØL

Gnr 67

Når du fer Herefossvegen nordover frå Skiftenes gjennom «Austrebygd», er første garden du kjem til Nedre Tønnesøl, med stort tohøgda sætehus bygd kring 1840 av Kristen Olsen som då hadde vigd med Berthe Nilsdtr Igland. Nils Johan Igland kjøpte denne garden ved auksjon i 1926. Det er ein gild skoggard med ei vidde på omlag 3000 dekar. Garden ligg på ei høgda ved ei vik av Tønnesølvatnet og frå tunet er det vakkert utsyn mot vest og nord. Lengst i nord ser ein Baadreis, som før var plass under Øvre Tønnesøl. Denne garden ser ein oppe i høgda. Også her er det store 2-høgda sætehus som blei bygd i 1873. Han som bygde var Lars Terjesen, som var komen frå Grindheim. Han vigde i 1861 med Maren Johanne Larsdtr som var komen frå Dolholt og som då sat som enke på Øvre Tønnesøl. Lars var ein dugande kar som ikkje bare fekk bygd nye hus, men som elles au fekk garden i god stand.<sup>1</sup>

Øvre og Nedre Tønnesøl var opphavlig like store bruk, men i 1850-åra blei en stor part av Øvre Tønnesøl fråseld og lagd til Nedre Tønnesøl som nå har ei skyld på mk 9.69, medan Øvre Tønnesøl har skyld mk 3.41, etter at Baadreis i 1933 vart utskild med ei skyld på 6 øre. Eigar av Øvre Tønnesøl er Olaf O. Helle-

land gm Johanne Tønnesøl, som er dotter til soneson av Lars Tønnesøl.

På vestsida av vatnet, noe i nord, låg plassen Liene, eller Tønnesølliane til skilnad frå Liene ved Imenes. Det var gamal plass, nemnt alt i 1711. Her budde fleire som hadde ått gard på Tønnesøl. Noe lenger ute lå Sønninga, som var ein nyare plass, så det var som ei lita grend her rundt vatnet. I 1875 budde det på Tønnesøl og plassane som er nemnt i alt 31 vaksne og born.

\*

Tønnesøl var i siste halvpart av 1500-talet ein del av eit stort jordkompleks som strekte seg frå Skiftenes til Herefoss grense. I 1576 åtte Aase Eivindsdtr, som var gm Anbjørn Midtbø både Hørte og Helleland og øydegardane Tønnesøl, Hunsdal og Toskedal.<sup>2</sup> Ein mannsalder seinare er Tønnesøl komen over til Nils Aamundsen på Bringsvær. Av ei åstadsak på Tønnesøl i 1716 får me vite at han 29. september 1614 pantsette Tønnesøl som då var på 1 hud skyld (seinare 1½ hud) til Jens Lofstad. Etter hans død ca. 1640 (1716: for over 70 år siden) kom garden over til brordøtrene hans, Ingeborg og Ane Pedersdøtre, medan bror deira, Jon, fekk hovedbølet i Bringsvær.

Saka i 1716 gjeld Nedre Tønnesøl. Den karen som stemmer er Lars Pedersen Ugland. Lars møtte og «producerede fordom laugmand Augustinus Olsens udstede og afsagde dom paa Christianssands Laugting dat. d. 30. september 1643 . . . med hvilken dom og act sagsøgeren vilde bevise at Tønnesøl for rom tid siden haver vært hans farmoders Ingeborg Tønnesølls farbroder Nils Bringsværd's odel og eiendom».

Garden gjekk sidan over til Ingeborg, men blei «bortpantet» av mannen hennar, Torjus Tønnesøl, . . . og endelig kommen udi afgangne Peder Christophersen Hyrtes hænder fra hvis arvinger hand samme gods søger at indfrelse.

Lars skyt Knud Goudesen Tønnesøl og Christen Askildsen Hougeboe til vitne. Den kjende prokuratoren Hans Pedersen som møter for motparten, protesterer og gjer merksam på at Knud er i slekt med citanten, Lars Pedersen. Knud kan derfor ikkje vere anna enn partsvitne. Men Knud sa at han ikkje var nærare i slekt med Lars enn i 3. ledd, og Knud som er ikring 60 år kjem nå som vitne. Han seier at Ingeborg hadde levd på Tønnesøl all sin dag, og han visste ikkje anna enn at Ingeborg var odelsbåren til dei 3 gsk i Nedre Tønnesøl, liksom mor hans til dei 3 gsk i Øvre Tønnesøl som han — vitnet — «paaboer». Då mannen til Ingeborg, Torjus Larsen Tønnesøl, panta bort garden, hadde han sjølv høyrte si bestemor Anne Pedersdtr seie at «Niels Bringsværd var hendes søsters fornefte Ingeborg Pedersdotters farbroder».

Christen Askildsen, over 60 år, f og buande på grannegarden «Hugeboe» (Haugebu) vitnar det same. Han hadde kjent både Ingeborg Pedersdtr og mannen hennar Torjus Larsen som gifte seg til garden og levde der all deira tid. Far til saksøkjaren hadde etterpå bruka garden til Peder Hyrthe fekk han.

Marthe Guttormsdtr, tilholdende på Næves-

dal, 70 år, vitna at ho hadde høyrte foreldra hennar seie at Joen Pedersen budde på Tønnesøl før vitnet blei fødd, og flytta så til sitt hovedbøle Bringsværd, og då vart søstrene hans, Ingeborg og Anne Pedersdøtre buande på T. etter han . . . hvor de og boede deris lifstid . . . siden efter deris død brugte sagsøgerens fader Peder Torjusen de 3 gsk i Tønnesøl som fornefte Ingeborg tilforn hadde siddet på. Marte hadde tent på Tønnesøl i sin ungdom og ho hadde aldri høyrte anna enn at Ingeborg og Anne var odelsbårne til garden. Mor hennar hadde sagt at Nils Bringsværd var farbror til Jon Pedersen, Ingeborg og Anne.

Me har gitt att dette også for å syna hossen dei på denne tid hadde greie på ætt og arv og eigedom eit hundre år tilbake i tida. Saka på Tønnesøl tok 2 dagar. «Contraparten» heiter det, la fram lagmannsdom av 18/9 1693. Då blei dei 3 gsk i Tønnesøl som Peder Torjusen åtte, utlagd til Hans Jensen Kierulf for gjeld. Prokurator H. P. ville nå prove at dette var eigedomsdøm. Dei 3 gsk var lovbydd odels-havarane 30/6, tingl. 7/7 1693 i Grømstad, men Peder hadde ikkje lyst sin pengemangel eller elles freista å løyse godset. Han sel derfor garden i 1695 til Peder Christophersen Hørte som og var odelsfallen til godset «paa sin hustru Maritte Torjusdatters vegne». Sidan har garden vore «i Peder Hørtes og hans arvingers haand og hæfd, saa godset af hannem og dennem stedse haver været brugt og beboet, og af ingen andre» . . . og det over 20 vintrar. Prokurator Pedersen slutter med å krevje at Hans Jensen Kierulf blir innstemna som vitne for å stadfeste dette. Saksøkaren Lars Pedersen protesterer mot dette og seier at motparten Aanund Tønnesøl burde «produsere» kjøpebrevet. Dette kjem då au fram neste dag og det syner at kjøpet først blei avslutta i 1701. Det var dat. Arendal 9. juni og var på 90 rd. Lars blir tilkjent garden for denne sumen.



Tønnesøl.  
Øvre Tønnesøl i bakgrunnen.

Dessutan skal han betale for eit nytt kvennhus etter skyn, men ikkje noe for påkostnad av husa elles. Pantsettinga ved faren Peder Torjusen 20/2 1686 og farfaren Torgius Larsen 6/7 1685 for 60 rd har ikkje noe å seie for retten, heiter det.

Retten var sett med 8 lagrettemenn. Dei får ½ dl hver, medan sorenskrivaren «for sin reises bekostning med fortæring og rettens betjening paa 3-die dag» får 8 dl 1 ort 8 sk.

Om husa på garden får me au vite no i denne rettssaka. Aanund hadde kome med krav om 30 rd for forbetring av jord og hus. Knud Goudesen og Christen Askildsen vitnar at «Peder Hørte og hans eftermand haver ladet opbygge alle de huse som findes paa garden, undtagen stuehuset». Heller ikkje visste dei sikkert om nedste lœa var riven og bygd oppatt. Aanund hadde bygd ny kvern «som i U-stabeken er bestaaende». Det er desse hus på garden:

1. Et gl førselshus staaende paa den østre ende av stuehuset, nå nytta til matbu . . . forraadnet og fordervet paa den syndre side.
2. Stovehuset. Ny nævertoke.
3. Ein liten stall, bygd av Peder og flytta for 3 år sidan.

4. Hø og kornlaaverne med fiolet deri mellem, bygd av Aanund for 4—6 aar sidan.
5. To lœer bygd av Peder Christophersen.
6. Badstove «av got furutømmer», bygd av Aanund.
7. Kvennhus. Alle hus med nævertoke.

\*

Me har av rettssaka fått vite at Nils Aamundsen Bringsvær åtte Tønnesøl først på 1600-talet. Han hadde nok bruksmenn der. Oluff Thønndessøl er nemnt som husmann 1617 og 1620, i 1618 som «ødegaardsmand». Det same er Hans Thønndessøl i åra 1623—26, i 26 skreven Tøndessel, i 1627 Steen, i åra 28—30 Steener Tøendesell. Så får me i åra 1631—37 Jon Thøndesell. Det må vere Jon Pedersen som me kjenner frå rettssaka og som kom til Bringsvær. Faren, Peder, har såleis ikkje vore brukar av garden.

Me kan vel rekne at garden ikring 1640 går over til søstrene til Jon. Men det er verbroren Torjus som står oppført som eigar og brukar frå 1643 og utover til 1657 då Oluff kjem til som eigar og brukar. Men Torjus har ikkje

ått garden aleine, for det står jamnt: Thorgius Thøndessell eiger med sine medeigere och han bruger — 1 hud.

I 1661 (Landk.) får me vite at Ola heiter Olluf Knudsen og Torjus heiter Thorgius Lauridzen. Det siste samstavar som me ser med opplysingane i rettssaka. Dei eig og brukar hver  $\frac{1}{2}$  hud. I 1664 er Torjus 54 år og har sonen Peder 12 år. Ola er 51 år, men har ingen søner. Dei står i 1674 begge oppført som eigarar av 3 gsk i garden. Av rettssaka veit med at Torjus levde til 1685, men Ola må vere død før 1681 då «Knut Goudesen med sine søskende» står oppført som eigar av 7 ksk i garden. Av rettssaka går det fram at dei må vere dotterborn til Anne Pedersdtr. Hvor Knut eller faren Gaute var komen frå veit me ikkje, men Knut tinglyser i 1715 «sin pengemangel og odelslønningens tilkiendegivelse» til 5 gsk i Nersten i Ø. «som Carl Gierulsen beboe». Han vil løyse inn garden på vegne av kona si. Carl Gierulsen var svogeren hans. Verfaren heitte Hans Gundersen. Knut sat med Øvre Tønnesøl i 1723 og Lars Pedersen på Nedre. Det må ikkje ha gått så rart for Lars etter at han fekk Tønnesøl. I 1716 pantset han garden til Søren Jacobsen i Kolbjørnsvig for 175 rd, og aukar lånet i 1719 til ca 472 rd. Det går då ikkje ansleis enn at Søren Jacobsen slår garden til seg. I 1732, to år etter at Lars er død, overdrar Søren Jacobsen 3 gsk i Nedre Tønnesøl til Jens Torgiussen Skiftenes for 210 rd. Det er då ute med den gamle ætta på Nedre Tønnesøl.<sup>3</sup> I 1736 har me ei skildring av eit noe dramatisk slagsmål mellom Jens Torjusen og Peder Larsen Tønnesøl, den siste me veit om av den gamle ætta på Nedre Tønnesøl. Det heiter at det tok til «i lystighed», men det var nok dette med garden som låg under. Peder var soldat den gongen. Same året sel Torjus garden til Anders Meldal, presten i Hommedal, som me ser dreiv som eigeidomsspekulant. Han gav 210 rd for

garden, det same som Torjus hadde gitt, men sel att året etter til Gunder Gundersen for 250 rd. Gunder var trulig av same ætt som kona til Knut Gautesen på Ø. T. Gunder sat på Nedre Tønnesøl til 1758. Då overdrar han og kona Kirsten Hansdtr garden til Gunders brorson Aslak Knudsen. Aslak skal «føde, underholde og begrave forbem. hans farbroder og hustru, samt betale al paa deres bo heftende gjeld, imod derfor at nyde og beholde ald deres efterladenskab av løst og fast, hvor i blandt 9 ksk i denne gaard Nedre Tønnesøl, hvilken contract af H. Kgl. Maj. aller naadigst er bleven confirmeret». Aslak Knudsen og kona Tonje Andersdtr som var frå Møretrø døde begge i 1788. Garden gjekk då over til Gunder Aslaksen.<sup>4</sup> Gunder selde garden i 1819 til Ole Christensen som budde på plassen Snømyr under Skiftenes. Ole gav 1100 spd. Han var son til Christen Olsen Bjorhuslia, men var av den gamle Steinor-ætta på Skiftenes.<sup>5</sup> Me ser at han same året sel 3 ksk i Skiftenes, sikkert for å greie det store gardkjøpet, og Gunder Aslaksen let 600 spd stå i garden mot pant. Ole kjøper så i 1834 Vorehei under Ø. Skiftenes for 100 spd, skyldsett til  $\frac{3}{8}$  ksk, og dette har sidan høyrte under Nedre Tønnesøl. Me ser elles au at han må ha vore ein drivande kar, såleis ser me at han i 1832 går i brodden med reising av ei ny sag (Vrangekleiv?) saman med dei på Skiftenes. Sonen Kristen Olsen som tidligare er nemnt, får skj på garden av faren i 1844 for 900 spd. Kristen utvider garden ved to kjøp frå Øvre Tønnesøl. I 1856 får han kjøp på  $2\frac{7}{8}$  ksk (4 ort 19 sk) for 750 spd (lnr 163 b). I 1861 får han kjøp på  $\frac{9}{10}$  ksk som blir utskild frå Ø. T. med lnr 163 c. Nedre T. hadde lnr 164. I 1866 slår han så desse gardpartane saman og får tillagt også 170 b (Ø. Skiftenes). Garden får då ei samla skyld på 4 dl 1 ort 20 sk.

Kristen Olsen døde i 1883. Garden går då

over til dottera Aasine som tri år seinare vigjer med båtbygger Anders Jakobsen Liene. Skifteretten gir i 1924 auksjonsskj til Knut Olsen for 138 000 kr. Den nye eigaren sit bare med garden eit par år. I 1926 får Nils Igland auksjonsskj for 94 000 kr.

\*

Me skal nå gå tilbake og sjå hossen det gjekk på Øvre Tønnesøl. Me såg at Knut Gautesen sat der i 1723. I 1724 set han garden i pant til Cornelius Anchermand for 94 rd. Sonen Christoffer Knudsen løyser inn pantet i 1731 med 122 rd og me må då gå ut frå at han har overtatt garden. Ein eldre bror, Ole, døde i 1719. Han åtte ikkje jord i Tønnesøl, men hadde ein son Engel f ca. 1714. Han g seg og budde i fleire år i Tønnesølliene der farfaren Knud Gautesen au var komen. Engel kom til Øvre Tønnesøl då farbroren Christoffer var død i 1760. Christoffer åtte dei 9 ksk verdsett for 234 rd. — Engel Olsen hadde au 9 ksk i garden då han døde i 1780, men mykje gjeld, så garden blei utlagd til kreditorane.

*Basta og bunden av Frolands Verk.*

Sonen Ole løyste garden i 1791 for 221 rd. Han pantset så garden til justisråd Smith på Frolands Verk og må binde seg til «for sig og efterkommere at levere aarlig fra hans gaard Tønnesøl 20 lester kul for 1 rd pr. lest til Gureboe Hammer».

Dette var noe til kontrakt! Gjelda til Frolands Verk aukar på og er blitt 255 rd i 1799 då Ole og kona gir opp sitt bu for å ta folloug hos sonen Halvor. Då får skifteretten dette brevet frå justisråd Hans Smith:

Pro memoria: En søn af Ole Engelsen Tønnesøl har for mig anmeldt at bemeldte hans fader har opgivet sit boe og at skiftet skal foretages i denne maaned. Det er i anledning heraf at jeg herved giver mig den ære at indberette at denne Ole Engelsen Tønnesøl har i aaret 1790 erholdet af mig til laanes capital 244 rd

90 sk paa condition at capitalen med sine renter skulle betales med kul og drifes for 1 rd pr. læst. Den herom udgivne panteobligation af 21de april 1790, tingl. 17de juni s. aa. fremsendes herved in orginalie. Tillige følger derhos bemeldte Ole Engelsens originale forpligtelse af 20de april 1790, hvorved han forbinder sig og arvinger, samt efterkommende eiere af hans gaard Tønnesøl at levere aarlig aller mindst 20 læster kul.

Denne forpligtelse agter nu baade fader og sønnen at unddrage sig fra, da de formener at naar de tilbagebetale capitalen med penge, er de ikke videre pliktige — og det er da den skønsomhed de viser for velgiort. Det er almindelig bekiendt at jeg ikke udlaaner penge paa andre conditioner end at samme med kulledrifter skal betales. Enhver kan desuden begribe at jeg ikke udlaaner capitaler imod  $3\frac{3}{4}$  pro cento rente aarlig imedens jeg selv udreder  $\frac{1}{2}$  pro cento maanedlig til min commissair i Kiøbenhavn i anden hensigt end derved at opmuntre bønderne til kuldrifter og paa denne maade frelser dem fra at miste gaarden naar de av creditorer blive angrebne, hvilket just var tilfældet med denne Ole Engelsen da jeg i aaret 1790 reddede ham og hans familie fra at gaee fra gaard og grund, da hans creditorer vilde havt gaarden til auction. Ved den assistance han saaledes har faaet af mig, er han sadt i den stand at hans søn nu kan indløse gaarden med penge, men jeg er ikke tient med at modtage samme paa andre vilkaar end debtors forpligtelse af 20de aprilis 1790 nøiagtig opfyldes, saa er det at jeg herved i bemeldte opgivelsesskifte nedlægger saadan paastand at Ole Engelsen Tønnesøl ikke maa give sit boe til skifte og deling paa andre vilkaar end at hans arvinger og efterkommende eiere af hans brug i gaarden Tønnesøl skal nøiagtig opfylde hans forpligtelse af 20de aprilis 1790, og derom stille mig fuldkommen sikkerhed, hvilket saaledes inklades under skifterettens eragtning.

Froeland Jern værk den 8de october 1799.

Hans Smith.

\*

Me veit ikkje hva retten sa til dette brevet, men det blir sidan ikkje nemnt med eit ord. Justisråden får utlagd for gjelda  $4\frac{1}{2}$  ksk i garden (som er verdsett til 45 dl pr. ksk), dessutan  $\frac{1}{3}$  i Tønnesøl priv. saug 30 rd, ei ku for 10 rd og noe innbu. Ole Engelsen sat elles ikkje så ringt i det. Han held att 3 ksk til follaugget. Resten 6 ksk er verdsett til 270

rd og så har han lausøyre for vel 149 rd, medan den samla gjeld er 291 rd.

Halvor åtte  $7\frac{1}{2}$  ksk i garden verdsett for 800 rd ved sk etter 1. kona si i 1811, og lausøyre for 318 rd. Netto 858 rd. Han kom avdage ved ei ulykke — «dræbt ved at komme under saughjulet». Det var 19. april 1836. Ti år seinare sel sonen Ole Halvorsen garden til Mads Nilsen Helleland for 1000 spd og det er ute med den gamle ætta på garden. Veit ikkje hvor han og borna hans blei av, men han budde ei tid på plassen Snømyr.<sup>6</sup>

Mads tar straks til å selje unna garden. I 1846, same året som han kjøper, gir han skj til Terje Nilsen Helleland «på  $\frac{1}{3}$  av en under hans anpart Lno 163 beliggende saug for 25 spd».<sup>7</sup> Han låner i alt 486 spd mot 2. pr., m. a. 336 av Aase Terjesdtr Helleland. I 1851 vik desse prioritet for eit lån på 500 spd i Norges Bank. I 1853 er det eksekusjon for ei kjøpmannsgjeld på vel 29 spd som får utlegg i lausøyre, krøter og avling av alle slag «saavel som i selve eiendommen», heiter det. Han sit såleis hardt i det. I 1855 får han låne 125 spd av Jakob Holst i Grimstad «med pr. etter eldre heftelser og optrinsret», men så lyt han selje, som tidligare nemnt. Han skil unna  $2\frac{7}{8}$  ksk og sel så 1856 resten  $6\frac{1}{8}$  ksk til Aanon Svendsen Haaland for 1000 spd. I 1861 sel han så det han sat att med til Kristen Olsen på Nedre Tønnesøl for 750 spd. Same året sel Aanon Svendsen  $\frac{9}{10}$  ksk til Kristen. Men Kristen får først skj av arvingane etter Aanon i 1880. Maren Johanne Larsdtr, enke etter Aanon får overdrege garden for 600 spd i 1862. Maren vigde som nemnt oppatt med Lars Terjesen. Sonen Aanon Teodor fekk eige- domen i 1899 for 8000 kr. Aanon døde alt i 1903, same året som faren. Enka Anne Kir- stine, sat så med garden til 1907, då sonen Lars Mart. Larsen fekk skj for 7760 kr. Frå 1926 sit enka hans, Regine, med eige- domen

som i 1953 går over til dottera Johanne for 22 800 kr.

\*

Me kan sette opp denne

*Eigar- og brukarrekkje gjennom 350 år.*

Ca. 1610—ca. 1640 Nils Aamundsen Bringsvær  
Ca. 1640—1657 Ingeborg Pedersdtr gm Torgius Lau-  
ritsen. Anne Pedersdtr gm Olluf  
Knudsen

*Bnr 1 (Øvre Tønnesøl).*

Ca. 1657—ca. 1680 Olluf Knudsen  
Ca. 1680—1731 Knut Gautesen  
1731—1760 Christoffer Knudsen  
1760—1780 Engel Olsen  
1780—1799 Ole Engelsen  
1799—1836 Halvor Olsen  
1836—1846 Ole Halvorsen  
1846—1856 Mads Nilsen  
1856—1859 Aanon Svendsen  
1859—1861 Maren Johanne Larsdtr  
1861—1899 Lars Terjesen gm Maren Johanne Larsdtr  
1899—1903 Aanon Teodor Larsen  
1903—1907 Anne Kirstine Olsdtr  
1907—1926 Lars Mart. Larsen  
1926—1953 Regine Tønnesøl, enke etter Lars  
1953— Johanne Tønnesøl gm Olaf O. Helleland

*Bnr 2 (Nedre Tønnesøl).*

Ca. 1657—1685 Ingeborg Pedersdtr og Torgius  
Lauritsen  
Ca. 1685—1695 Peder Torgiussen  
1695—1707 Peder Christoffersen  
1707—1708 Ingeborg Olsdtr, enke etter Peder  
1708—1716 Aanon Olsen Skiftenes gm Ingeborg  
1716—1730 Lars Pedersen  
1730—1732 Søren Jacobsen  
1732—1736 Jens Torjussen Skiftenes  
1736—1737 Anders Meldahl  
1737—1758 Gunder Gundersen  
1758—1788 Aslak Knudsen  
1788—1819 Gunder Aslaksen  
1819—1844 Ole Christensen  
1844—1883 Kristen Olsen  
1883—1924 Aasine Kristensdtr gm Anders Jakobsen  
1924—1926 Knut Olsen  
1926— Nils Johan Igland.

## Utsåd, avling og buskap gjennom 200 år.

	Utsåd tn.			Avling tn.				Merknad			
	Bygg	Kv.	Potet	Bygg	Kv.	Potet	H	N	S	G	
1668	6						1	10	12		12 smaler
1723	6						2	8	10	10	
1792	6	½ (r.)	¼	24	2 (r.)	1					
1867	3½	¼	5½	17½	1½	33	2	9	20		

Det dei faktisk fødde finn ein i oppl. i skifte. På Nedre Tønnesøl hadde dei i 1708: 4 kyr, 7 geiter, 5 sauer og 2 ronbukker. 1788: 1 hest, 3 kyr og 2 kalver, 4 geiter og 4 kje, 12 sauer og 3 lam. Øvre Tønnesøl 1760: 1 hest, 4 kyr, 6 geiter, 2 kje og 3 bukker, 3 sauer, 2 lam og 2 verer. 1780: 5 kyr og hest. 1799: 4 kyr og hest, 14 sauer og 3 lam. 1811: 6 kyr og hest og 8 sauer.

På Øvre Tønnesøl i 1867 (matr.kom): 3 kyr og hest, 8 sauer. Høyavling 40 skp, 8 lass på utslatte, «god og bekvem havn, men ikke tilstrekkelig». I alt 15½ mål dyrka, god fast jord på sandbunn. 1956: 18 dekar dyrka, 4 kyr og hest.

Nedre Tønnesøl 1867: 21 mål «meget skarp sandjord og myr», dessutan 163 C: 11 mål, størstedelen myr. Høyavling tils. 65 skp. 1 hest, 6 kyr, 12 sauer. Beite tilstrekkelig, men meget ubekvent beliggende. Tungbrukt. 1956: 2 hestar, 4 kyr. 30 dekar dyrka.

*Skogen.*

1661: Hustømmers schoug. 1668: Skaug til smaalast. 1723: Skov til smaa egelast. 1867: Bnr 1 kan selje skog for 16 spd 96 sk netto, bnr 2 for 91 spd årlig.

Bnr 1 har nå ca. 400 dekar prod. skog, bnr 2 ca. 2200 dekar.

## PLASSAR

*Tønnesøl-Liene.*

I 1711 bur Christen der (2 personar), så dette er ein gamal plass. I 1723 ser me at hm

Christen Clemmedsen sår 3 skj. Det må vere same mannen. Den neste me finn der er Engel Olsen frå Øvre Tønnesøl. Han bur der i åra 1748—60, då han under namn av Engel Olsen Tønnesøllien har born til dåpen, i alt 5. I 1760 overtar han Øvre T. etter farbroren Christoffer Knudsen. Farfaren Knut Gautesen har og trulig budd der sidan han laut gå frå garden i slutten av 1720-åra. Han dør i Tønnesølliene i 1752 — 102 år gamal. I 1753 dør Anne Knudsdr Tønnesøllien, 81 år, og i 79 Ingeborg Knudsdr Tønnesøl 99 år, som må vere døtrene hans, så dei blei svært gamle der på plassen.

Då Engel Olsen overtar på Ø. T. sel han plassen til Anne Andersdr, enke etter farbror hans, for 90 rd. Ho vigjer oppatt med Aslag Tostensen Ø. Nævesdal, men dei sel alt i 1763 til Engel, og han sel same året — dette gjeld bare husa — til Berulv Ansteinsen Skiftenes som det året vigde med dotter til Engel, Else Engelsdr. Ho døde i 1770. Hadde 3 born. Berulv vigde oppatt med Ragnhild Olsdr Haaland, komen frå Ørteland i Hf. Ho var søster til Hans Olsen Haugebu og Tellef Olsen Birkeal. Hadde ikkje born. Anne døde 1790, men Berulv vigde oppatt året etter med Askjer Svendsdr Hundland. Ho døde eit par år etter, bare 30 år gl, og Berulv gifte seg då for 4. gong med Ane Olsdr. Han er i ft. 1801 oppgitt til å vere 80 år og kona 39, men dette med 80 år er nok ikkje rett. Då han døde 1814 er alderen oppført med 78 år. Det var bare han og kona og eit «almisselem» Gunnvor

Tønnesdtr 74 år som var der i 1801. Dotter til Berulv, Karen, vigde med Aanon Pedersen og dei budde på plassen eit bel. Karen døde same året som faren. Berulv hadde tenestgut i 1792. Han sådde  $1\frac{1}{2}$  tn bygg og avla 7 tn, men av poteter satte han bare ein notting og avla 6.

Sonen, Engel Berulvsen, var gm Ane Ankjelldotter. Dei budde i T. i åra 1795—99.

I 1806 sel Berulv halve plassen til Halvor Olsen Tønnesøl for 256 dl og i 1812 andre halvpart til dottersonen Peder Aanonsen for 300 rd. Peder sel i 1816 til Halvor, som såleis får heile plassen. I 1839 sel så Ole Halvorsen Tønnesøl plassen til broren Peder som krev skyldsetting. Så vidt me skynar gjeld dette sjølve den gamle plassen og dessutan skog og slåtter. Bytenamn: Lietjønn, Tverheia, Barlindbekken, Sandviga. Av slåtter: Store og Lille Tverheimyrene som ligg ovanfor dei omskrevne byteliner. Peder får «forholdsmessig andel i Ole Halvorsens  $\frac{1}{3}$  i Tønnesøl saug og  $\frac{1}{6}$  i Vrangeklev saug». Eigedomen får og fiskerett i Tønnesølvatnet. Det utskilde blir sett til  $\frac{3}{17}$  av Øvre Tønnesøl. Veit ikkje om Peder budde der. Han sel att til Ole i 1842 for 150 spd og sidan har plassen høyrte til garden.

Ole Tønnesen budde i Tønnesølliene i 1875. Han var av Øygardsfolket på Hardeberg, men f på Kiland 1811. Dei hadde 3 kyr, 1 kalv og 5 sauer, sådde  $\frac{1}{12}$  tn kveite,  $\frac{1}{6}$  tn bygg og sette  $3\frac{1}{2}$  tn poteter, så Liene var ingen ring plass. Ole døde der 1889. Veit ikkje om det budde folk der sidan. Sonen Peder Olsen med kone og 2 born var der i 1875. Fekk ein son Ole Jørgen i 77 og dottera Petrine Bergitte 1879. Sidan er dei ikkje nemnt.

«Askjels plass» — Sønninga.

I 1856 festa Mads Nilsen Tønnesøl til Ole Olsen Hardebergdalen «et jordstykke kaldet Asjels Plads». Festeavgift 12 spd og 14 arbeids-

dagar årlig. Ole er i kb nemnt Ole Olsen Tønnesøllien. Han var gm Ingeborg Marie Johnsdtr frå Froland. Ingeborg og dottera Ingeborg som var f på T. døde begge av tæring i 1881. Ole var f i Hardebergdalen 1824. Ole bur i 1875 i Sønninga, som ligg lenger ute ved vatnet. Me må gå ut frå at Sønninga er det same som Askjells plass. To av borna, ei jente på 17 og ei på 12 år døde av skarlagensfeber i 1876. Ein son Ole f 1861. Ole Olsen vigde oppatt i 1891 med Tomine Olsdtr, dotter til Ole Tønnesen. Han døde på Sønninga 1896 og plassen trulig nedlagd då.

I Sønninga hadde dei 2 kyr, 1 kalv og 5 sauer i 1875. Dei sådde ein notting kveite, 1 notting bygg og sette  $2\frac{1}{2}$  tn poteter.

*Liodden.*

På vestsida av vatnet var det ein 3. plass, Liodden. Her budde i åra 1856—70 Guttorm Osulsen, som var av Iglands-ætta frå Rodalen.<sup>8</sup> Då han døde reiste enka og borna til Amerika. Plassen då trulig nedlagd. Det er ikkje folk der i 1875.

*Baadreis.*

I 1867 døde husmann Anders Nilsen Tønnesøl 68 år gl, og i 79 hm.enke Siri Tallaksdtr f 1801. Dei var på Berli-eige, trulig plassen Rinnen i 1841. Sonen Nils er f der. Han er på Baadreis i 1875, gm Anne Gurine Olsdtr f 1845. Dei har borna Sørine (Siri) Amalie f 1868, g 1890 m vegarb. Gustav Johanson (frå Sverike), 2. g. 1901 med Nils Aasulsen, Anne Bergitte f 71 g 93 med vegarb. Hans Klemetsen, f på Li i Hornnes, og Oline f 1874. Ein son Anders f 1884.

På Baadreis hadde dei 1 ku og 6 sauer i 1875. Sådde  $\frac{1}{6}$  tn havre og sette 2 tn poteter.

Aug. Hansen fekk i 1933 skj på eigedomen som blei utskild frå Øvre Tønnesøl som tidli-



gare nemnt. Han gav 300 kr. for jorda og 400 kr. for husa. I 1956 overtok broren Herman Hansen eigedomen for 5000 kr.

#### MERKNADER

1. I hans hender er gaarden betydelig forbedret. Man. av N. Iglan.
2. Uprenta diplom i R.A.
3. Sjå Tønnesøl-ætta (Gaute-ætta).
4. Gunder Gundersen døde i 1764. Aslak Knudsen og Tonje døde 1788. Dei var g 1761 og hadde desse born: Gunnar 62—65, Marthe 65 g 90 med Peder Nielsen Storenes, Gunder 1766, Knud 68—87, Inger 70, d.s.å., Anders 72 (ikkje på T. 1801). Gunder Aslaksen vigde 1793 med Gunhild Olsdtr Hesthagen. Born: Aslak 94, Ole 98, d før 1801. Aslak vigde 1815 med Margrethe Jensdtr Gitmark. Til Gitmark. Også Gunder til Gitmark, d der 1866. Gunnil Olsdtr d 1841 — 65 år gl.
5. Sjå Skiftenes-ætta I.
6. Etter man. av Arnt Stensvand.
7. Dei på Tønnesøl åtte i 1771 saga saman med Nils Salvesen Helleland. Fekk det året løyve til «400 k.mands bords aarlig skiørsel paa en saug u.d.g. Tonesel kaldet ved Molklevbækken».
8. Sjå N. I.: Iglandsætten s. 29.

## HAUGEBU

Gnr 68

Frå Tønnesøl tar ein veg inn til Haugebu som ligg omlag midtvegs mellom Tønnesøl og sørenden av Vigelandsvatnet. Her var det to bruk frå 1749 då svograne Hans Olsen og Terkel Svenningsen kjøpte garden av enka etter skrivaren Lyth Matiasen Ørum for 215 rd. Han hadde kjøpt Landvik kyrkje og kyrkjegodset. Og Haugebu var ein av dei gardane som hørde kyrkja til, men har nå i over 200 år vore i eiga til dei som kjøpte i 1749 og etterkomarane deira.

Det er nå på ny bare eit bruk på Haugebu. Hans Pedersen Haugebu, som var soneson til Hans Olsen, vart sinnsjuk og ende sjølv sine dagar i 1870, bare 46 år gl. Han hadde ikkje born og enka selde då garden året etter til søsterson til Hans, Peder Pedersen Tørvolt, for 1100 spd. Peder selde så same året for 1200 spd til Sven Terkelsen Haugebu, som slo begge bruk saman. Husa på det nedlagde bruket er rivne for lenge sidan, men dei hine sætehusa på garden er gamle. Dei stod der i 1788.<sup>1</sup>

Før dei nye eigarane kom til gards, hadde same ætta sete på Haugebu som brukarar frå først på 1600-talet, i 4 ættleder. Første gong me finn Haugebu nemnt er i lensreknesk. 1608—09: Huggebø, leiger udi 3 aar ½ hud,

deraff 1 ort. Det var såleis ikkje så mykje dei betalte i landskyld.

Frå 1610 og utover er Christen Hugebo nemnt som «ødegaardsmand». Namnet er elles skreve på mange måtar: Huggeboe, Høgheboe, Huggbo, Haugeboe. Siste gong Christen er nemnt er i 1631—34 då han betaler landskyld, men i 1634—35 har me Ingeborg eller Ingeborig som dei skreiv. Og frå 1635 Aschild, eller Aschild Christensen som me får vete at han heitte i 1661. Han er 56 år i 1664 og såleis f ca. 1608.

At Ingeborg var mor til Askild veit me av kopskatten 1645. Christen er då som me sky nar død ikring 1634. Og det samstavar med det me veit frå anna kjelde. Christen blei drepen av Steinor Skiftenes. Under utgifts poster i lensreknesk. 1635 er oppført at «Mestermanden» har fått 18 dl for å rette «Steener Schifftenes for drab han paa Christen Huggeboe hafde beganget». Ein gong tidligare finn me namnet til Christen i desse rekneskapsbøkene, i 1622—23: Christen Hugeboe for han slog Halvord Frivolds søn et mundslag, derfor tilfunden at bøde ½ dl. Elles var nok Christen ein velvyrd mann. Han var lagrette mann og møtte m. a. ved ei deling på Nævesdal i 1629.<sup>2</sup>

Askild betaler i 1635 i «førstetage og stedsmaal» 5 dl. Elles er bygsla som tidligare 1 ort hvert 3. år. Han betaler 12 sk i koppskatt 1645 og 3 dl 2 ort 12 sk i kvegskatt 1657. Det er au ein Simen på Haugebu då. Han betaler 1 ort 15 sk, men er ikkje nemnt sidan. Askild må 1650 betale 12 rd «for hans tiendes forseelse afsonit af yderste formue». I 1654 må han bøte 1½ dl «udi stefnefald at udgiffue».

Haugebu må ha blitt mykje oppdyrka i Askilds og farens tid, for i 1668 ser me at garden er sett opp i skyld til 1¼ hud, tidligare ½ hud. I 1661 heiter det: Besiddes af Aschill Christensen. Temmelig god schoug af æeg og furu til bielcher. I 1668: Schouff af eeg og furu til bielcher og smaalast, en bekkeqvern og ørretfiskeri. Saar 2½ tn, før 1 hest, 8 naut og 10 smaler. Korntiend: 3 fjerding 4½ notting. Kvenn er elles nemnt alt i 1621 då Haugebu betaler ½ dl i kvernskatt.

Me ser at Haugebu blir rekna for ein god skoggard, men i 1723 står det ikkje så bra til. Då heiter det: slæt skov. Utsåd 4 tn. Kan fø 1 hest, 5 naut, 4 sauer, 4 geiter. Tungvindt. 1 flomkvern. Brukaren då er Anders Christensen, son til Christen Askildsen som var på H i 1701, 55 år gl. Etter mt 1664 var Christen den nesteldste av sønene til Askild, men alderen samstavar ikkje. Det er vel helst trulig at det er Christen som er den eldste og ikkje Peder som er ført opp 16 år gl i 1664. Peder og ein annan son, Anders, høyrer me ikkje meir gjete. Askild hadde i 1674 noe jordegods, 1 gsk, i Ø. Skiftenes og me må då gå ut frå at kona hans var derfrå og at det var Guri Steensdtr som døde på H i 1691 — 67 år gl.

Christen Askildsen var g to gonger. Ved sk etter han i 1719 hadde han ei netto eige på 44 rd, men ikkje noe jordegods. Den eldste sonen, Anders, overtok garden. Han var gm

Gunhild Tygesdtr frå Mørløs i Fr. I 1733 sel Anders til svogeren Torchild Tygesen 4 ksk i denne garden for 48 rd, men pengane tok nok slutt, for i skattel 1743 heiter det om Anders: Eier intet. Og det var nok tålig rett, for ved sk etter Gunhild same året er nettoen bare 18 rd. Anders dør i 1747 og eit par år etter blir garden selt, som nemnt tidligare. Døtrene gifter seg i bygda, sonen Tyge kom til Jaavoll.<sup>3</sup>

\*

Det kom som nemnt nye folk til Haugebu i 1749. Me veit ikkje hvor Terkel kom frå, kanskje frå Åmli.<sup>4</sup> Hans Olsen ætta frå Ørterland i Hf. Han hadde ein bror Tellef Olsen på Haaland og fleire søstre som var g i Landvik.<sup>5</sup> Terkel og Hans må ha vore gm hver si søster, Guro og Berte, døtre av Peder Torjusen Birkedal. Både Terkel og Hans kallar opp eldste sonen etter morfaren.<sup>6</sup> Dei kjøper som nemnt garden i hop med 7½ ksk på hver. Og me må då gå ut frå at dei straks har delt garden og bygd hver for seg. Så serlig godt sat dei nok ikkje i det, i alle fall slepp dei ekstraskatten i 1766, då både Terkel — som då blir skreven Terchild Sveiningsøn — og Hans står oppført som fattige.

I 1781 gir Terkel over garden til sonen Peder. Søskenbarnet hans på grannegarden heiter au Peder. Han overtar i 1786 og sit med garden i 50 år til sin død i 1836. Peder Terkelsen og Hans Olsen stemner i 1785 forvalter Clasen ved Frolands Verk for å høyre tingsvitne om «citantene beboende gaards skov slette og uandselige tilstand». Dei fører som vitne næraste grannane Christen Olsen Lien (Bjorhuslia), sonen Knud Christensen og Salve Jacobsen Kolaasen. Dei vitnar at det på Haugebu ikkje kan brennast kol utan å hogge grøeskog.

I 1788 gjer dei to eigarane på Haugebu avtale med justisråd Hans Smith på Frolands

Verk. Dei skulle ha stem for Vigelandsvatnet og ikkje opna utan når dei trong vatn til stonghamaren på Gurebu som Frolands Verk då åtte. For dette skulle dei få ein rd hver for året.

I 1792 er det ført opp at dei på hvert bruk sår  $\frac{1}{4}$  tn rug og avlar 2 tn, og  $2\frac{3}{4}$  tn bygg med avling 16 tn. Poteter har dei ikkje. Peder Hansen har tenestgut, Peder Terkelsen tenestjente. I 1804 får dei to Per'ane på Haugebu løyve til å føre opp ei bygdesag, Ved ei synfaring 1818 heiter det om denne saga: Ringe fossefald ved vestre side af dybeste rende i Vigelandsvandet. Under vand hindrer drift i flomtid. Dei skjer 6 tlt årlig.

Peder Terkelsen døde 1809 og det er sk same året. Peder åtte  $7\frac{1}{2}$  ksk i Haugebu verdsett for 450 rd og 1 hud i Tingstveit i Ø. for 900 rd. Enka tar av 2 ksk til follaug. Resten av garden med halvparten i kvenn og sag blir verdsett til 412 rd. Heile buet er på 1539 rd brutto, 1009 rd netto.

Dei hadde m. a. eit 8 dags stueuhr 15 rd, 1 par store tinfat (1730) 3 rd, 1 sølvstau (1755) 3 rd, 1 sølvbeger 3 rd, 1 eikeskatoll 10 rd, 1 vevgang 4 rd. Til samanlikning kan nemnast at ein gl borket hest blei verdsett til 8 rd og ein årsgl stut til 5 rd.

Skiftet syner at dei hadde kome seg godt opp på Haugebu. Då Terkel Pedersen døde i 1836 åtte han au garden og hadde 400 spd til gode i Tingstveit. Denne garden hadde søskenbarnet Peder Jensen fått kjøp på i 1832 av Terkel. Samla medel 1110 spd og bare 56 dl i gjeld. Men skiftekostnaden er heile 34 spd. Skrivaren tar m. a. 1 sølvlaaget krus 7 spd, 2 sølvskeier, 1 sølvlaaget snusdaase 3 dl, 2 tinnfat, 2 tinntallerker, 2 messing lysestaker, 1 kobber-bryggekar 6 spd, 1 kobber kaffekjel, ei stor gryte ( $\frac{1}{2}$  tn), 2 mindre gryter, 1 bagstehelle, 1 skore og dessutan ei mengd reidskap av ymse slag. Det var over 4 kuverd det gjekk

med, for to kyr er i same skiftet sett i 8 dl for hver, og ein hest au i 8 dl. Og dette er altså i 1837, ikkje då me hadde danske embetsmenn.

Knut Terkelsen overtar etter faren i 1836, men han døde alt i 1848. Enka, Barbra Bergethe Terjesdtr som var frå Gurebu og søstera Elen Aasille, kona på grannegarden, sat nok med garden noen år, men bror til Knut, Sven Terkelsen, flytter visst til i 1851 då mora sel  $1\frac{1}{2}$  ksk til han for 100 spd. I 1853 gifter han seg og i 55 får han skj på resten av garden 6 ksk for 600 spd.

Det blir Sven Terkelsen som på ny samlar Haugebu til eit bruk. Han kjøpte som nemnt grannebruket i 1871 for 1200 spd (lnr 166 a). Frå dette bruket var det skild ut eit stykke, lnr 166 b av skyld 5 sk. Anne Pedersdtr fekk dette i 1867 for 50 spd. I 1871 går det over til Peder Pedersen Tørvolt for same sumen. Han sel til Sven Terkelsen i 1874, også for 50 spd. I 1872 slår Sven saman sitt eige bruk lnr 165 med lnr 166 a, og i 75 også lnr 166 b, og garden er då samla som han var i 1749. Skyld 4 dl 2 ort 4 sk eller sk mk 8.52. Sven Terkelsen var gm Gurine Olsdtr Liene. Sønene deira døde og det blei eldste dottera som fekk garden då ho g seg i 1897 med snikkar Peder Thomassen Udjus. Han var f på Metveit i 1856 og han var av den gamle Dolholt-ætta som har sete på Metveit sidan ikr 1660. Eigareren av Haugebu, Terkel P. Haugebu, ættar i 14. led i bein mannsline frå den første me kjenner av denne ætta, Bergulf på Dolholt f ca. 1470.<sup>7</sup>

Terkel fekk skj på garden av faren Peder Thomassen i 1925 for 44 800 kr. Året før var utskild parsellen Aasen av skyld mk 1.06 som fekk bnr 2. Hovedbølet hadde då att skyld mk 7.46. Terkel fekk i 1946 skj på halvparten av bnr 2 for 3200 kr. av medarvingane.

I 1945 blei frâskild parsellen Bergholm av skyld 3 øre. Willy Henriksen fekk dette i 1954. Bnr 1 har då att skyld 7.43.

\*

Det er tidligare nemnt litt om utsâd, avling og buskap. Til slutt tar me med frå matr.kom. 1867: På begge bruk er det til saman 34½ mål dyrka «heller skarp sandjord og myr». Høyavling 96 skp, herav 18 lass skrapslâtte. Utsâd og avling: Kveite ¼ — 1½ tn, bygg 3 — 15, poteter 8 — 48. Det er ført opp at hvert bruk kan fø hest, 4 kyr og 6 sauer. Beite: Bekvemt beliggende, men ikke godt, heller ikke tilstrekkelig. Skogen på hvert bruk kan årlig gje for 33 dl 84 sk netto. «Vandfald» er sett i skyld 48 sk på hvert bruk.

Til samanlikning kan nemnast at ved ft i 1875 er ført opp på garden som då er samla: 1 hest, 5 kyr, 1 kalv, 10 sauer, 1 gris. Og dei sår ⅛ tn kveite, 1½ tn havre og set 4 tn poteter.

Me kan sette opp denne

*Eigar og brukarrekkje gjennom 350 år.*

*Brukarar:*

Ca. 1600—1634 Christen Haugebu  
1634—1635 Ingeborg, enka etter Christen  
1635—ca. 1680 Askild Christensen  
Ca. 1680—1719 Christen Askildsen  
1719—1747 Anders Christensen  
1747—1749 Gunhild Tygesdtr, enka etter Anders

*Eigarar og brukarar:*

*Lnr 165 av skyld 7½ ksk  
i åra 1749—1871, sidan heile garden:*

1749—1781 Terkel Svenningsen  
1781—1809 Peder Terkelsen  
1809—1810 Gunhild Jensdtr, enka etter Peder  
1810—1836 Terkel Pedersen  
1836—1837 Aase Knutsdtr, enka etter Terkel  
1837—1848 Knut Terkelsen  
1848—1855 Barbra Bergitte Terjesdtr, enka etter Knut  
1855—1897 Svend Terkelsen

1897—1925 Peder Thomassen gm Aase Bergithe Svendsdtr  
1925— Terkel Haugebu.

*Lnr 166 — 7½ ksk.*

1749—1786 Hans Olsen  
1786—1836 Peder Hansen  
1836—1870 Hans Pedersen  
1870—1871 Elen Aasille Terjesdtr  
1871 Peder Pedersen Tørvolt  
1871— Svend Terkelsen, eigar av bnr 1.

## PLASSAR

### *Ruhaven*

var plass under Haugebu. I 1875 budde Nils Karlsen der. Han var f i Froland 1836 og gm Berthe Kristiansdtr (Grinnevoll-ætta) f 1834. Berthe døde i Ruhaven 1880. Hadde sonen Karl f i Tromøy 1871 og Kristian 1875.

I Ruhaven fødte dei i 1875 ei ku og 3 sauer, sådde ¼ tn havre og sette 2 tn poteter. Noen bygslekontrakt har eg ikkje funne.

I 1844 er Terkel Nilsen Haugebo nemnt som inderst. Veit ikkje om han var i Ruhaven. Det same gjeld Lars Kristensen Haugebo som i 1868 vigjer med Gunhild Marie Salvesdtr Haugebo. Lars var son til Kristen Bentsen Holte i B. og kom sidan til Skiftenes. Mor hans var av Rodals-ætta.

I 1881 er Hans Olsen inderst på H. Hadde ei dotter Olava til dåpen (d. 87). Henning Henriksen Haugebo, skogsarbeider, gm Berthe Olsdtr hadde dottera Olga til dåpen i 1888 og son Ole Gustav i 1891. Bur på Skiftenes.

Ruhaven blei nedlagd som plass, husa revne og blei stall på Haugebu.

## MERKNADER

1. Etter art. av Kr. Stalleland i Gr. Adr. 1942.
2. Etter T. Løhaugen.
3. Sjå Haugebu-ætta I.
4. Sjå Haugebu-ætta II — Svenning-ætta.
5. Sjå Ørteland-ætta.
6. Kr. Stalleland meinte Hans og Terkel var brør, men det er altså konene deira som var søstre.
7. Sjå Dolholt-ætta.

## BJORHUSLIA

Gnr 69

Bjorhuslia var opphavlig plass under Austre Skiftenes, men fekk eige gardsnr i matr 1889. Garden ligg avsides, nær byttet med Øyestad, og Kolaasen i Øyestad og Haugebu i Landvik er næraste grannegardane.

Til denne utposten i Skiftenes mark flytta Ola Stenersen Skiftenes trulig i 1760-åra då han laut gå frå garden sin på Skiftenes. Han var av den gamle Steinor-ætta på Skiftenes og døde i Bjorhuslia i 1794 — 83 år gamal. Sonen hans, Kristen Olsen, overtok plassen i 1783 for 183 rd.

Bjorhuslia blei utskild frå Skiftenes i 1792 med skyld 1½ ksk. Det får me vite av ei rettsak i 1801. Kristen hadde då stemna Tolv Svendsen og Svend Tolvsen Hellingen som hadde sett opp ein stem i Kolaaselva så Kristen ikkje fekk vatn til kvenna si. Retten blei sett i Bjorhuslia med 8 lagrettemenn og det møtte 8 vitne. Kristen legg då fram skifte etter mora Maren Andersdtr frå 1777 og skj frå Ole Stenersen 1783. Vidare utbytningsforretning av 31/5 1792 då «gaardpladsen Bjørhuslien med tilhørende skovstykke er anseet af skyld i gaarden Østre Skiftenes med 1½ ksk». Etter vitneførsla er retten på synfaring. Dei går til «den saakaldede Kaalaas-Ur som befindes at være et vandfald ud over klippene». Der finn

dei stemmen som Hellingen-karane har sett opp og som fører vatnet til Tolv Svendsens kvenn på vestsida av fossen. Renna som fører til Kristen Olsens kvenn er tørr. — Det blir forlik på staden. Dei stridande partane skal saman nytte vatnet på nærare fastsette vilkår, og dei skal saman rive stemmen. Er det lite vatn, skal dei male hver sin dag. Tolv får ikkje noe for stemmen, og må betale 5 rd til Kristen som skal take prosesskostnaden.

Det er ikkje noen stor jordvidde til Bjorhuslia. I 1867 er det oppgitt at det var 10½ mål dyrka jord, myr og skarp sandjord. Ut-såden er då oppgitt til ½ tn bygg og 2 tn poteter, med avling 2 tn bygg og 10 tn poteter, så dei kunne nok ikkje avle nok til matberging. Bruket kan fø 2 kyr og 6 sauer, heiter det. Nå hadde dei nok hatt større buskap i Bjorhuslia. I 1813 er det skifte etter Maren Knudsdtr, kona til Kristen Olsen. Buskapen var då 4 kyr, 1 stut og 4 sauer. Det var i den tid då penge-verdet var i sterkt fall. Kuprisen var oppe i 50 rd. Kristen sat elles godt i det. Han åtte Bjorhuslia, hadde ikkje lite lausøyre og hadde til gode vel 110 rd eller 18 Rbd. Netto åtte han 257 Rbd.

Kristen døde i 1831 — 91 år gl. Den eldste sonen, Knud, døde alt i 1815. Ein yngre son,

Ole Christensen, budde først i Snømyr. Han gifte seg med ei jente frå Øvre Tønnesøl og dei kjøpte Nedre Tønnesøl.

Det blei soneson til Kristen, Kristen Knudsen, som fekk Bjorhuslia. Han fekk skj på garden i 1826 for 85 spd. Men Kristen Knudsen som då var 23 år, hadde nok ikkje stort å kjøpe for. Han pantsett garden året etter for 83 spd. Kristen og broren Nils som kom til Skiftenes hadde elles arva 60 spd etter foreldra ved sk 1816. Kristen gifte seg i 1821, bare 18 år gl. Kona var Todne Arnesdtr frå Skiftenes. Dei fekk 7 born, men den eldste, Knud, døde før han var årsgamal. Den eldste av jentene f 1824 gjekk av og drukna seg ein haustdag i 1847. Eit par år etter, i 1849, sel så Kristen Bjorhuslia til Kristen Svendsen for 480 spd og reiser til Amerika med huslyden sin.

Kristen Svendsen, som var frå Hellenen, var gm Sissel Nilsdtr Havstadkjær. Ho var av den gamle Torp-ætta på Havstad.<sup>1</sup> Kristen Svendsen<sup>2</sup> og kona med ein son og 5 døtre var på

Bjorhuslia i 1875. Dei hadde då 2 kyr, 2 ungdyr og 8 sauer, og sådde  $\frac{1}{16}$  tn kveite,  $\frac{3}{4}$  tn bygg og sette 3 tn poteter.

Kristen Svendsen døde i 1882 og garden gjekk då til auksjon. Henning Henriksen Helleland kjøpte for 2050 kr., men selde i 1884 for same sumen til Nils Jensen. Nils, som var komen frå Øyna i Grindheim, var gm Nicoline Kristensdtr Bjorhusli f i Bjorhuslia 1852. Nils selde i 1887 til Terje Nilsen Kolaasen for 3100 kr., men i 1891 blei garden skj over til Jens Nilsen, son til Nils, for 2100 kr. Jens skj i 1908 garden over til broren Kristen Nilsen for 1500 kr. Ved sk etter Kristen 1956 går garden til søstera Tobine Nilsen for 17 600 kr.

Til Bjorhuslia er det nå 10 dekar dyrka mark og 450 dekar produktiv skog. Sætehus bygd 1860. Skyld mk 0.96.

#### MERKNADER

1. Sjå Torp-ætta.
2. Sjå Hellenen-ætta.

## HELLEREN

Gnr 70

Frå ein holme i Røynevatnet går bytet med Øyestad og sneier Buvatnet på vestsida. I ei vik av dette vatnet ligg Hellaren, eller Hellen som skrivemåten mest har vore. Opphavlig var det vel ein hellar her der fangstfolk eller slåtteleik heldt til. Sidan blei det plass under Skiftenes. Når Hellen i 1667 blir kalla «røddelassen», er det trulig då ikkje så lenge sidan plassen er blitt rudd.

Stian Helderer er nemnt som husmann i 1664 og betalte då 1 dl i skatt. I matr 1668 er Hellen serskilt skyldsett med skyld  $\frac{1}{4}$  hud. David Møll i Holum åtte då Hellen saman med austre Skiftenes og Stian sat der som brukar. Sår 3 fjerding, før 3 naut og 4 smaler. Korntiend 5 notting. Skouff til brendefang. Stian var trulig ein son til Rasmus Halvorsen Skiftenes. Han hadde ein son Rasmus som var 10 år i 1664.

Me høyrer ikkje meir gjete Stian og Rasmus. I 1680 pantset David Villumsen øvre Møll plassen Hellen til Ole Aanonsen Skiftenes for 40 rd. I 1688 overtar Haagen Oluffsøn Hellen dette pantet av Kirsti Pedersdtr, enke etter Ole Aanonsen. Haagen Hellen døde i 1696 — 49 år gl. Han hadde borna Ole 1690, Torgius 92, Ellin 93 og Heleg (Helleik) 96. Namnet Helleik finn me på Austre Skiftenes.

Helleik Rasmussen var 60 år i 1664, så det var nok ein ættesamheng her.

Haagen Hellen var gm Kirsti Olsdtr. Ho vigde oppatt med Christen Olsen Stalleland i 1698. Såleis kom Stallelandfolk til Hellen. Men Christen flytta tilbake til Stalleland ikring 1710. Det blei Helleik som fekk Stalleland, medan ein av sønene til Christen og Kirsti, Terje, kom tilbake til Hellen. Ole, bror til Helleik, fall i slaget ved For-Pommeren 1719. Øli (Ellin) Haagensdtr blei i 1728 gm Ole Aslaksen Skiftenes og såleis ættemor m. a. til Leif Skiftenes.<sup>1</sup>

Det var ei Marthe Gullovsdtr som var på Hellen etter at Christen flytta til Stalleland. I 1723 var det to brukarar: Marthe Gullaugsdtr og Jens Jensen som hver hadde  $1\frac{1}{2}$  ksk. Utsåden er då oppgitt til 1 tn og garden kan fø 3 naut og 3 sauer. Jens var frå Enge og gm Johanne Steinorsdtr Skiftenes 1721. Dei budde på Hellen i åra framover og hadde borna Kirsten, Jens, Karen, Ane og Marthe. Jens hadde nok fått kjøp på halve Hellen. Han døde i 1737. Same året vigde Terje Christensen Hellen med Torber Pedersdtr Skiftenes. Terje var son til Kristen Olsen Stalleland.<sup>2</sup>

Johanne Stenersdtr blei buande på Hellen. Ho døde i 1743 — 55 år gl. Og hadde då  $\frac{3}{4}$



ksk i Helleren. Det var hennar «halvning» ved sk etter mannen . . . . udi ditto plads Helleren med paastaaende huse og tilhørende herligheder, som det heiter. Men heile denne herligheden vart sett i 10 rd. Ho åtte ei kvie og 2 geiter, og dette gjekk til skiftet. Nettoen blei 10 dl. Borna, den eldste var 19 år, var ute og tente. Den yngste, Marthe, som var 11 år, var etter at mora var død «paa pladsen hos Tergie Christensøn». Terje løyste inn Helleren 3 ksk først i 1764 frå Jens Jensen m. fl. «for den accoderede summa som ei er nævnt». Tørbor og Terje hadde ingen søner. Eldste dottera, Ingeborg, blei gm Tolv Svenningsen og dei kom til å overta Helleren.<sup>3</sup> Terje og Torborg døde begge i 1784. Og Ingeborg og Tolv fekk då garden ved skiftet etter dei.

I 1792 sat Tolv og Ingeborg på Helleren med 3 søner og 4 døtre. På garden sådde dei då 2 tn bygg og avla 14 tn. Poteter hadde dei og litt av, sette  $\frac{1}{4}$  tn, avling 2 tn. Tolv hadde i 1780 kjøpt Geidskindstykket av Austre Skiftenes for 49 rd. Sønene Svend og Terje kjøpte i 1800 Kompeheia av Jakob Mikkelsen på Røynaana for 48 rd. Tolv har i 1801 ei sak med dei i Bjørhuslia om ein stem<sup>4</sup> og i 1809 stemmer Sven Tolvsen Aasul Knudsen Salvestjønn fordi han har sett opp «et gjerde i den saakaldete Grundevandsbækken til Askedalsstøijden». Det kjem her som i 1801 til forlik. Stemmen skal Aasul rive innan 3 dagar og saman skal dei bere sakskostnaden. Helleren hadde sag i Askedalsbækken 1818.

Her kjem det til ei ny sak i 1824. Aslak Øvensen Bærelig legg ved procurator Frøstrup fram stemning mot Svend Tolvsen Helleren «angaaende formentlig brugte ærerørige ord». Sven møter i retten, men «benægtede stævningen». Terje Olsen og Ole Salvesen som er vitne, fortel at dei ein dag dette året var tilstades ved Askedalsstemmen på Hellerens grunn. Auen Aslaksen hadde brukt stemmen

og Sven kravde nå ei planke for «benyttelsen», og dei sa at Sven «ved den anledning sagde til Øven at han var en skielm og at det blev sagt i vred hu». Sven kravde og fekk saka utsett. Men då saka skulle opp att, får me vete at partane er blitt forlikte.

Sven overtok Helleren etter faren i 1811. Han betalte 500 rd for 2 ksk. Mora, Ingeborg Terjesdtr, som døde i 1814 — 73 år gl, heldt att 1 ksk til follaug som Sven tok på seg. I 1836 sel han  $\frac{2}{3}$  i Askedal sag til Simon Simonsen Kolaasen og Anders Olsen Salvestjønn for 30 spd. I 1842 gir han seg i follaug til sonen Tor som får garden, men Sven døde same året. Mor til Tor, Guri Christensdtr, levde til 1856.

Tor Svendsen var 25 år då han overtok Helleren. I 1856 får han låne 200 spd i Hypotekbanken og tri år etter får han eit nytt lån på 100 spd mot 2. pr.

Matr.kom i 1867 gir opp at det til Helleren då er 17 mål «middelst jord paa sand og lit myr» og god bakkeslått til 6 lass høy. Garden kan fø hest, 3 kyr og 6 sauer og avle 3 tn kveite, 5 tn bygg, 5 tn havre og 15 tn poteter. Høyavlinga blir oppgitt til 40 skp. Havnegang beqvem og henved tilstrækkelig. Garden er elles karakterisert som tungbrukt. Skogen kan gje for 13 spd 90 sk netto til året.

I 1875 bur Tor og kona Tomine Nilsdtr på Helleren. Sonen Svend er då gift og bur heime. På garden har dei då 2 kyr, 1 ungdyr og 6 sauer, men ikkje hest. Utsåden er  $\frac{1}{4}$  tn kveite, 1 tn bygg og 4 tn poteter.

Tor Svendsen døde i 1886, nær 70 år gl. Svend hadde gift seg oppatt i 1884. Ved auksjonsskj blir så Helleren i 1887 skj over til borna hans for 1500 kr. I 1892 blir fråskild ein parsell med skyld 5 øre som sakfører Bakke overtar (bnr 2). Hovedbruket bnr 1 får Knud Osinius Olsen ved auksjonsskj i 1894 for 2950 kr. Knud var f 1889 og son til Gusta Sesilie Torsdtr, søster til Svend Helleren. Ho g seg

med Ole Knudsen i 1888. Ole og søstera var tilreisende på Hellingen under ft i 1875. Han var son til bonde Knud Olsen på Steine i Ø., men han var komen frå Nedre Tønnesøl og av Steinor-ætta på Skiftenes. Gusta døde på Hellingen i 1903. I 1916 sel så Knud O. Hellingen garden av skyld mk 2.76 til Tellef T. Grøsle for 10 000 kr. Tellef Grøsle sel same året til I. C. Løken og Anton Reiersen for 15 000 kr. Dei kjøper au bnr 2 av Ludvig Longum for 2000 kr. Longum hadde kjøpt same året av arvingane etter Svend Torsen Hellingen. Dei fekk auksjonsskj i 1894, same året som hovedbruket blei seld. I 1919 sel så Løken og Reiersen bnr 1 og 2 til Tellef T. Høgevold og Alfred Iversen for 23 000 kr. Alfred Iversen overtar

aleine i 1920. Same året sel Iversen bnr 2 til W. Smith for 3750 kr. Men han greier ikkje å sitte med det han har att. Bnr 1 går til auksjon i 1924 og skulestyrar Sigmund Vatne får tilslaget for 12 600 kr.

Jens Jomås og Jakob Møretro kjøper garden i 1938 av buet etter Sigmund Vatne for 12 000 kroner.

Bnr 2 blir kjøpt av F. G. Gundersen og G. G. Terland i 1922 for 2500 kr. Dei sel i 1938 til Alf Røynåna for 900 kr.

#### MERKNADER

1. Sjå Skiftenes-ætta I.
2. « Stalleland-ætta.
3. « Hellingen-ætta.
4. « Bjorhuslia.

Einbølt ligg garden på nordsida av Gurebukilen. Ikkje er garden delt og ikkje er ein teig fråseld gjennom fleire hundre år. Her sat Nørholmen-folk for to hundre år sidan. Då blei det store og staselige sætehuset bygd. Anders Nilsen, son til Nils Samuelsen Nørholmen, sat her i 1730-åra og utover. Han var første gong med Trine Meldal, ei søster av presten Anders Meldal. Andre kona hans var Marthe Catrine Rasch Bidneby. Skal tru om det ikkje var for henne at Anders Nilsen bygde så stort, med fleire stover på rad. Sætehuset blei noe forandra i 1871 og har nå ikkje mindre enn 15 rom. I 1937 bygde så Toralf Gurebo nytt stort uthus i reisverk og betong som mot nord avgrensar det store og romslige tunet. Og garden er i vokster, for i dei siste år har omlag 50 dekar vore under dyrking, i tillegg til dei 55 dekar som før var dyrka. Og det er 1700 dekar produktiv skog til Gurebu.

Røynåna har på det korte stykke mellom Røynevatn og Rore eit fall på 22 meter. Og det store nedslagsdistriktet gav grunnlag for tålig jamn vassføring. Her på Gurebu blei då au bygd eit av dei første sagbruk i bygdene her, ei sag som må ha vore i drift alt i siste halvpart av 1500-talet. Sidan — i 1770-åra — blei Gurebu litt av eit industrisentrum, med

sagbruk og mølle og stangjernhamar som Froland Verk dreiv. Her støypte dei m. a. og kanonkuler. Me møter ei rad av svenske namn på den tid, dei fleste var hammersmeder. Men det var ikkje så mange år at denne verksemda varte. Frolands Verk hadde slått til seg Gurebu på auksjon i 1795, men justistråd Smith, eigaren av Frolands Verk, makeskifte same år med Gjerulf Skjellufsen Træ. Frolands Verk fekk Træ og Skjelluf flytta til Gurebu. Og hamar-sлага stilna, men kvernkallen mol sin song og sagbladi gnikta og kvein ennå i mange år i fossen der ute . . . .

\*

Me kjenner ikkje eigarane av Gurebu så svært langt tilbake og veit ikkje når eigedomen kom på utanbygds hender. Tidlig på 1600-talet veit me at Gurebu hørde saman med Nørholmen-godset. Og det sat leiglendingar på Gurebu. Den første som er nemnt er Jon Gurrebo i 1610. Han betalar knektskatt i 1611—13. Rasmus er nemnt 1618—20, Jens 1620, Olluff 1623—26, Laurits 1627—28. Så det er vel klart at det har vore mykje skifte av bruksmenn. Men frå 1628 møter me Nils Gurreboe. Han sat lenge på garden. Siste gong me finn namnet hans er i ei rettssak i 1656 då Niels Gurenboe på sin kvindes vegne er med

og reiser krav om gods i Mollestad i Birkenes.<sup>1</sup> I 1645 var Niels Gurrenboe og hans quinde, to piger Anne og Ellin på Gurebu. Mellom sakefall 1623—33 finn me dette: Niels Gurenboe for vold og hiembred han gjorde Matz Thuessen i Grimstad — 100 dr. Det var noe til bot, men så var nå Mads Thuessen skrivar. Og Nils slapp ikkje bare med det. Lagmannsretten året før gjorde den orskurd at dei skulle slå ein kniv gjennom handa på Nils — og så skulle han sjøl syte for å få kniven laus. Han må ha vore ein hardhaus, for han greidde dette.

Eigaren av Gurebu i 1640-åra og utover var Peder Brockenhus. I 1661 har han pantsett garden til borgermester Anders Madsen i Tønsberg. Arne Jørgensen er brukar då, namnet hans er seinare skrive Aanon. Han var 70 år i 1664 og hadde sønene Halvor, Carl, Jørgen og Knud. Carl er rettnok ført opp som tenar og 20 år. Han kom til Songe i V. Moland. Av skifte 1695 veit me at han var son til Aanon Jørgensen. Der var og ein son Ole f ca. 1649. Aanon Gurrebo åtte i 1668 9½ ksk i Bjelland (V. M.?) og var trulig komen derifrå.

Gurebu hadde gamalt skyld 1 hud. 1668: Skouff til husbehof. 1 saug med quern. Sår 2 tn. Før 7 naut, 1 hest og 8 smaler.


Første gong Gurebusaga er nemnt i skattemestene er i 1645. Det er då ført opp heile 25 dl i skatt, men neste året bare 4 dl 16 sk. Frå 1670 og utover betalar Olle Saugmester sagmesterskatt. I 1672 er det ført opp 6000 bord i skur, i 1682 er det 5000. I åra mellom er det 2—3000. Det er det som er oppgitt av skur. Dei betalte ½ dl pr. tusen i skatt. Gurebu sag er nemnt som privilegert i 1646. I 1688 heiter det at Gurebu sag (og Øvre Lunden sag) er «forbudt og avskaffet». Men same året får Nils Samuelsen Nørholmen og slektningen hans Laurits Christensen som var på Ausøya «kongl. allernaadigst bevilling til en saugs oppbyggelse paa denne gaards grund». Og det pri-

vileg kom til å stå ved lag i tida framover. I 1680—90-åra skar dei etter oppgavene 2000—2700 bord til året på saga. I åra frå 1676 og utover er Hans Olsen «saugmester», trulig son til Ola som tidligare er nemnt. Han blir i 1703 saksøkt for ein mindre gjeldspost. Hans Olsen saugmester døde i 1732 — 80 år gl.

Aanon Jørgensen var brukar i 1668, men må vel på den tid ha overgitt drifta til sønene. Det var som nemnt 5 søner. Ole og Jørgen blei på Gurebu. Ole døde i 1694 — 45 år gl. Han var gm Gunvor Torsdtr Metveit.<sup>2</sup> Dei hadde ei dotter Ingebor (1684) g 1732 med Berul Teliesøn Hunsdal, og 2 søner — Tore (1688) og Aanond (91). Aanond vigde 1713 med Ingeborg Aanonsdtr Dolholt, og Tore 1725 med Karen Ellingsdtr Strømfjord. Gunvor vigde oppatt med Asbjørn Willumsen, og han brukte halve Gurebu i 1706 og 1723. Tore og Aanon flytta ut. Tore kom til Jaavoll, Aanon til Grefstad.

Jørgen Aanonsen Gurebu (1652)—1717 var 1. g. gm Ingeborg Berulvsdtr Udjus (1662)—92. Ein son Aanon (1688). Han vigde i 1719 med Mari Pedersdtr Jovold. Også dei flytta frå. Jørgen vigde oppatt i 1696 med Gro Steinersdtr, ei søster av Knud Steinersen Steinsvatn i B. Dei hadde ei dotter Ingeborg f 1696 og ein son Ole som i 1733 vigde med Dorthe Hansdtr. Heller ikkje han blei på Gurebu, for på den tid overtok Anders Nilsen Nørholmen. Han fekk i 1731 ei dotter, Todne, med Ingeborg Jørgensdtr. Ingeborg døde på Gurebu i 1763. Todne kom til plassen Dyblemyr.

Jørgen Aanonsen er det sk etter i 1719. I 1716 hadde Aanon Jørgensen bygsla ½ hud i garden av Nils Samuelsen Nørholm og han brukte dette godset i 1723. Den andre halvparten av garden brukte Asbjørn Willumsen. Utsåden er tilsaman oppgitt til 3 tn 4 skj, og det heiter at garden kan fø 2 hestar, 4 naut, 8 sauer og 8 geiter. I 1722 vigde Berethe



Gurebu.

Asbjørnsdtr med Christen Henrichsen Haugebu og dei er på Gurebu fram til 1730. På den tida er det at Anders Nilsen kjem der frå Nørholmen. I 1734 sel han til Arnt Hansen von Campen  $\frac{1}{4}$  «i saugbrug og qværner med tilhørende huusebygninger og frie grund, bestaaende paa Gurreboe» for 163 rd. Han gjorde god forretning på denne handelen, for i 1746 kjøper han parten att av enka etter Arnt Hansen for vel 26 rd.

I 1735 har Anders Gurebo dottera Marte til dåpen, i 1738 Ingebor Dorethe. Maren vigde i 1755 med sitt søskenbarn Nils Johannesen Kallevig. Ved sk i 1775 er Maren gm skipper Jens Andersen Lund i Grømstad. Ingeborg vigde i 1767 med Anders Nilsen Grøm. Av borna med Marthe Cathrine Rasch levde bare Nils opp, f 1752. Birthe Marie f 1747 d same året, og Peder f 49 d i 56. Dei hadde au borna Johanne d 1756 og Peder Christoffer 57—66.

Marthe Cathrine Rask Bidnebye døde i 1774 — 61 år gl. Ved skiftet er ho titulert madame

og Anders Nilsen Mr (monsieur), så dei blei nok ikkje rekna til vanlige bondefolk. Ved sk i 1775 har Anders sønene Peter Nicolai som er på Gurebu, Anders Meldahl Andersøn som er skipper og borgar i Arendal og Nils Andersen Liene, forutan dei to døtrene som alt er nemnde.

Nils hadde i 1772 vigd med Ane Siversdtr Imenes og dei budde på Liene den første tida, sidan på Skiftenes. Anders åtte Gurebu 1 hud og hadde vel 1 hud i Skiftenes. Plassen Øygarden under Skiftenes er det opplyst er seld til forvalter Clasen på Frolands Verk for 150 spd. Han har au eit hus i Grømstad verdsett til 40 rd. Det er lausøyre for 422 rd. Men han har au mykje gjeld, m. a. skylder han sonen Anders Meldahl 200 rd og svigersonen Jens Andersen 161½ rd. Peter Nicolai for 14 år heime — forladt søfarten, står det — 140 rd. Vidare har tenestjenta Helje Ommundsdr til gode 24 rd og Gunhild Danielsdtr Ørteland 8 rd. Han er og skyldig svogeren Morten Michelsen i Grømstad omlag 60 rd og for-

valter Clasen omlag 194 rd. Skiftekostnad 36½ rd. Samla gjeld blir då 824 rd. Jord i Skiftenes blir oppført med 522 rd. Det blir då tilbake til deling 310 rd og 1 hud i Gurebu.

Frå utlodninga kan nemnast at forvalter Clasen får ei sølvkanne av vekt 100 lod for 50 rd, Gunnild Danielsdtr 1 sølvstaupe for 8 rd. Helje Ommundsdr får m. a. «1 indmured bryggekiedel» for 12 rd, hva ho nå skulle kunne bruke den til. Ho får og ei trekkiste for 4 rd og «endel gl ubrugelig (!) kobber» 8 rd. For skiftekostnaden blir m. a. utlagd 1 krus med sølvlaag 8½ rd og 6 sølvskeier 9 rd, så arvesølvet gjekk unna, men skrivaren får au eit par kvennesteiner for 10 rd og eit par gl ditto for 3 rd, forutan ei handkvern 1 rd, vidare 1 tin potage skee 8 sk og ei ku 5 rd.

Anders Nilsen blir m. a. utlagd tri kakelomnar, den største 1 «toetages» for 12 rd. Vidare: 1 chatul skab 10 rd, 1 laqvered vingebord 2½, 6 rysslærstoler. Her ser me noe av innbuet dei hadde. Lakerte bord og russelærstolar var nok ikkje vanlige på gardane i Landvik på den tida.

Peter Nicolai får m. a. 6 sølvskeier med årstal 1689 for 9 rd. 11 stk servietter.

Anders: 1 lidet sølvstøb 2½, 1 trækkiste 5 rd.

Nils: 6 teskeer av sølv, 1 speil med forgylt ramme 4 rd. Me ser at denne spegelen kosta mest så mykje som ei ku.

Maren får 1 sølv souce skee 2 rd, og Ingeborg 1 par sølv skospenner 1-3-0.

Også buskapen blir delt. Og alle får diverse innbu og klæde, omhengssenger, dyner, tinnsaker, messing, kobberkjeler m. v.

Tel me over buskapen så finn me at det er: 1 hest, 5 kyr, 1 kvie, 6 sauer, 3 lam, 4 geiter, 5 kje.

Anders Nilsen døde i 1777 — 70 år gl. Same året g Peter Nicolai seg med Birthe Danielsdtr. Ho døde i barsel året etter. Han vigde oppatt i 1783 med Karen Nilsdtr. I åra fram til 1795 fekk dei 8 born, men bare Anders f 1786 levde opp. Ein son Nils blei f i 1795. Peter Nicolai fekk i 1789 skj på 9 ksk i Gurebo av sine brør og svograr for 900 rd. I 1792 brukar han garden. Han har 2 drenger og to tenestjenter. Det blir ført opp ein utsåd på 5 tn bygg med avling 20 tn. Han var nok ikkje

ein slik drivande «agerdyrker» som broren Nils, som var på Skiftenes. Me ser såleis at han ikkje dyrka poteter, som dei hadde tatt til å dyrke mest på alle gardar i Landvik på den tid. Og det gjekk nok ikkje så bra for han elles heller. I 1786 ser me at han blir dømt til å betale eit par gjeldsposter. Og inntektene av Gurebohämmeren var vel så som så etter hvert. Justisråd Smith skyna nok hva leid det bar med den verksemd han hadde sett i gang. I 1794 ser me at Peter Andersen har «contraheret med justisraad Smith angaaende hvad leie for eftertiden skal svares av Gurreboe hammerbygning m. m.» Året etter må han la Gurebu gå til auksjon, og Smith slår garden til seg for 2570 rd. Smith makeskifter så same året som tidligare nemnt med Gjerulf Skjellufsen Træ for 3000 rd. Og frå den tid er det bare bønder som rår på Gurebu.

Året etter at Gjerulv kom til Gurebu vigde eldste dottera Torborg med Terje Olsen Helleland. Og det blei dei som kom til å overta Gurebu.<sup>3</sup> Gjerulv døde i 1815 — 75 år gl. Kona hans heitte Barbro Skjølluvsdtr. Ho døde i 1835 — 82 år gl. Gjerulv og Barbro hadde 3 døtre. Den nesteldste, Elen, vigde i 1803 med Jens Pedersen Haugebu. Dei flytta til Tingstveit i Ø. Ane vigde i 1819 med Ole Olsen Tingstveit.

Gjerulv var ein velstands mann. Og det var nok ein kar som visste å sjå etter sitt. Han var eigar av Chr. V norske lov og han fylgde med elles, for mellom bøker i skiftet finn me 5 deler av Landhusholdningsselskabets skrifter, vidare Den svenske Landmand og 2de par historier 2 rd. Det er også nemnt «seks forskj. bøger» 48 sk. Lausøyre blei sett i 1444 Rbd (Riksbankdaler navneverdi). Det kan nemnast at kuprisen etter denne er komen opp i 45—50 Rbd. Buskapen var elles ikkje stor, 4 kyr, 13 sauer og 2 geiter. Av lausøyre kan elles nemnast: 1 kobberkjel 40 dl, 1 trekkiste 20, 1

stort speil 12, 1 stor gryte  $\frac{3}{4}$  tn 20 dl. Av sølv m. a.: En strøbørse av sølv vegt  $17\frac{3}{4}$  lod 40 dl, 1 sukkertang 5, 1 sølvstau 1720 for 10 dl, 1 krus med laag av sølv (Anders Gulefsen Blakstad 1720) 20 dl, 1 ditto (1718) 24 dl, 1 sølvstau (1701) 12 dl, 1 sølvbæger 10 dl, mange skeier. *Klæde*: 1 sort klædeskjole med vest og buxer 30 dl, 1 brun 12, 1 graa med mørkblommet vest 8, 1 par texets buxer og sort trøie 12, 1 grå reise«kjole» 12, 1 rød klædes undertrøie med 18 sølvknapper 6.

Terje Olsen og Torborg hadde overtatt garden i 1812 for 3000 rd. I 1831 ser me at Terje Olsen Gurebu møter i retten og klagar over at Gurebu er sett for høgt i skyld, 8 sk.dalar 2-18, samanlikna med Austre Skiftenes 10 dalar, Vestre Skiftenes 10-4-3 og Imenes 12-4-3. Han får nok medhald i klagen sin, for i matr 1838 er det nye skyldet ført opp med 7-4-14. Ny skyld er mk 15.95.

Torborg Gjeruldsdr døde i 1845 — 70 år gl, Terje i 1849 — 75 år. Sonen Ole Terjesen overtok då garden med Øygarden og Snømyr under Skiftenes som Terje hadde kjøpt.<sup>4</sup> Løysingssummen var 3400 spd. I 1862 døde odelsguten, Terje Olsen, bare 24 år gl. Søstera, Thomine Gurine f 1838 vigde i 1865 med Terkel Larsen Hesthagen og det blei dei som kom til å overta Gurebu.<sup>5</sup> Ole Terjesen som var f 1802 døde i 1882. Tomine (Mina) sat så med eigedommen til eldste son Ole Gustav overtok i 1909 for 40 000 kr. I 1933 selde Gustav Gurebo til Bertel Jensen Gurebu og Snømyr for 35 500 kr., men sonen Toralf Gurebo tok garden att på odell året etter for 36 000 kr.

Me kan sette opp denne liste over

#### *Brukarar og eigarar gjennom 330 år.*

##### *Brukarar:*

- Ca. 1628—ca. 1660 Nils Gurebu  
« 1660—« 1670 Aanon Jørgensen  
« 1670—1694 Ole Aanonsen (halve garden)

- Ca. 1670—1716 Jørgen Aanonsen (halve garden)  
« 1700—ca. 1730 Asbjørn Willumsen (halve gard.)  
« 1716—« 1730 Aanon Jørgensen (halve garden).

##### *Eigarar og brukarar:*

- Ca. 1730—1777 Anders Nilsen  
1777—1795 Petter Nicolai Andersen  
1795—1812 Gjerulv Skjellufsen  
1812—1849 Terje Olsen gm Torborg Skjellufsdtr  
1849—1882 Ole Terjesen  
1882—1909 Terkel Larsen og Tomine Olsdr  
1909—1933 Ole Gustav Terkelsen  
1934— Toralf Gurebo.

##### *Jord og skog — og foss.*

Etter matr oppg. 1867 hadde Gurebu då 48 mål dyrka — almindelig sandjord og noget myr. Utslätte til 7 lass. Utsåden er oppgitt til  $\frac{1}{2}$  tn kveite, 3 tn bygg,  $\frac{1}{2}$  tn havre og 4 tn «potets». Garden kan fø hest, 9 kyr og 16 «faar». Havnegang: Klein og utilstrekkelig. Garden er lettbrukt. Skogen kan gje for 72 spd netto til året. Men større herligdom er ennå fossen og fisket. Det heiter: Beqvemt og godt vandfald og fiskeri værdsat i 92 spd aarlig netto. Dette har nok gjort at garden kom til å bli den som fekk høgast skyld av alle gardar i Landvik i matr 1889. Me kan samanlikne med Hesthagen, Terkel Larsens ættegard som av gamalt hadde skyld 2 huder, mot 1 hud for Gurebu. Hesthagen fekk skyld mk 11.77.

Til samanlikning med oppg. frå 1867 kan nemnast at Ole Terjesen i 1875 hadde 2 hestar, 8 kyr, 3 kalvar, 19 sauer og 1 gris. Han sådde 1 tn kveite, 2 tn bygg, 2 tn havre, sette 6 tn poteter og brukte  $\frac{1}{2}$  mål til rotfrukter.

##### *Gurebo sag*

er tidligare nemnt. I 1816 blir det sett rett på Gurebu etter «Requisition fra Tergie Olsen, som eier av Gurreboe vandsaug at tage bemeldte saugs beskaffenhed til skiørsel under skjøen . . . . Hvor da: Gurreboe privilegerede saug bevilget 24. nov. 1688 blev taget udi sigtelse, og fandtes opført paa gaarden Gurreboes grund

ved deres eget vasdrag paa søndre side av samme, ved et beqvemt fald, og har jevnlig vand til deeling med qværnebruget, hvilket sidste har fortrinsret til vandet, i sær om sommeren i tørke og om vinteren i frost, ligesom adgangen til saugtømmer er meget indskrænket og strækker sig kuns til skouveiere i sognet hvor saugbrug ikke drives. Og i hensyn hertil blev rettens skiøn: at paa denne Gurreboe privilegerede vandsaug skiæres aarlig paa et blad med en grin og med en skiærbank som saugens indretning, 25 tylder, siger tyve fem tylder 12 fods tømmer med 10 tommers top . . . .»

Sagmesteren hadde nok sit eige hus ved saga. Tidligere er nemnt Olle Saugmæster og Hans Olsen saugmæster som døde i 1730. I 1734 ser me at Ole Gurbosagens son Hans har vore til dåpen. I 1789 er det skifte på «Saugen» pl. u. Gurreboe. Her budde då Torjus Knudsen Møller. På plassen fødte dei 1 ku og 1 sau. Sidan finn me ikkje denne plassen nemnt, men det stod hus her for omlag 50 år sidan.

### PLASSAR

Med den drifta som kom i gang på Gurebu i 1770-åra, var det naturleg at arbeidsfolka måtte finne seg plassar å bu. Frå eldre tid var det nok au plassfolk. Gurebosagen er nemnt ovanfor. Det er vel au trulig at det var andre plassar som blei busett. I 1743 er det skifte på Gurreboe eie etter Torjus Jacobsen som budde der med kona Giertrud Christoffersdtr. Torjus var frå Birkedal og bleiv i 1743 saman med broren Christen, som au var på Gurebu då han gifte seg i 1741 med Mali Johnsdtr Haaland.

I 1751 vigde Torbjørn Taraldsen Gureboe med Ane Christofersdtr Hørte. Dei var på Gurebueie i 1754. I 1757 vigde Niels Terkelsen Gurebo-møller med Thodne Andersdtr Øgaarden. Todne var nok sikkert den jenta som Anders Nilsen fekk i 1731 med Ingeborg Jørgensdtr. Todne og Nils fekk plassen

#### Dyblemyr.

Dei hadde borna Inger 58, Helgje 59, Ingebor 61, Terchel 63, Terkel 65, Jørgen 67—88 og Ommund 1771. Nils Terkelsen døde i 1788

— 85 år gl. I 1790 gir så Tonje Andersdtr seg i follaug til sonen Ommund, som i 1791 får feste på plassen av sin morbror Peter Andersen . . . . imod at han skal holde en juring til at vogte gaardens kreaturer. I 1792 ser me så at Ommund brukar plassen der han kan så ¼ og avle 1½ tn bygg, så det var nok ikkje så stort romet ho fekk Todne Andersdtr.

Ommund Nilsen Gureboe-cie vigde i 1791 med Kirsten Olsdtr Bjorhuslie. Dei fekk borna Maren 91, Todne 93, Inger 95, Niels 97, Gunil 99, Ole 1801, Jørgen 03—04. Me veit ikkje hvor dei blei av desse som her er nemnt.

N. Igland nemner dei husmannsplassane som er nedlagd på Gurebu, m. a. Dyblemyr, hvor den nu som fattiglem udsatte Nils Dyblemyr er født. Meir har han ikkje.

I 1816 vigde Terkel Nilsen Gureboeie (Dyblemyhr) 48 år med Elen Gurine Olsdtr Hareberg 36 år. Dei hadde borna Maren Tomine 17, Ingebor 20, Nils 22, Inger Oline 25. Terkel døde i 1839 — 71 år gl, Elen Gurine Olsdtr Døblemyr i 1852 — 64 år.

Maren Tomine Terkelsdtr vigde i 1843 med Knud Tønnesen Vasbotn. Dei budde på Dyblemyr og fekk borna Terkel 44, Tønnes 46, Daniel 47—49, Elen Gurine 49, Gunhild Dorthee 51, Johan Daniel 52, Berthe Margrethe 55, Maren Catrine 57, Oline 60. Knud Tønnesen Døblemyr døde 7. des. 1865 — 63 år gl. Same dag døde eldste sonen Terkel. Dottera Elen Gurine var død ei vike før. Det heiter i kb: Disse 3 av samme hus døde hurtig av en ondartet tyfus. Dei blei gravlagd på same dag. Maren Terkelsdtr døde i 1868. Det er det siste me høyrer om folk på Dyblemyr. Det er ikkje folk der i 1875.

#### Langemyr.

Jacob Michelsen Grindal vigde i 1775 med Helgje Ommundsdr Gurebo. Ho hadde tent på Gurebu, sjå sk 1777. Dei budde på Lange-



myr i 1792 og hadde både dreng og tenestjente. Dei sådde  $\frac{1}{2}$  tn bygg og sette  $\frac{1}{8}$  tn poteter. Dei bur på Langemyr i 1801. Jacob 54, Helgie 68 år. Tidligare er på Langemyr nemnt Mads Andersen som døde i 1781 — 30 år gl. Han var gm Inger Nilsdtr. Dei hadde borna Todne og Ane. I 1776 er nemnt Lars Andersen, Hammerdreng på Gurebo. Kona heitte Pernille Nilsdtr. Dei hadde borna Elen Marie 76 og Nils 78.

#### *Gunleidalen.*

Her budde Torstein Halvorsen i 1801. Han var 57 år, kona Inger Jørgensdtr 56 år. Gunleidalen er ikkje nemnt i 1792, så det var trulig ein nyare plass. Torstein og Inger hadde borna Jørgen 24 og Halvor 11 år. N. Igland nemner Gunleidalen . . . her bodde Torstein og Inger. Deres søn var den bekjente «tosse» Halvor Gunleidalen hvorom meget rart kan fortelles.

Tosten Hansen budde på Gurebu frå 1843, trulig i Gunleidalen. Kona hans, Anne Serine Christensdtr, døde i barsel i 1849, 38 år gl. Tosten med to born reiste då til USA i 1850. I Gunleidalen er det heller ikkje folk i 1875.

#### *Hammerfolka.*

Som nemnt var det mange tilreisande «hammersmeder» i 1770-åra og utover. Hammer-

mester Adam Bruun budde på Øygarden under Skiftenes, som Frolands Verk hadde kjøpt. Sjø Skiftenes. Då Adam Bruun døde 1785 heldt Frolands Verk oppteljing . . . i overværelse av samtlige hammersmede sammesteds, nemlig Peter Jacobsen Fiellemoen, Peter Andersen Drage, Jens Henrichsen Lamberg, Carl Carlsen Resell og Jacob Johnsen Moss. I 1786 er det på Øygarden sk etter spigersmed Johannes Silberg. Han var komen til Skiftenes frå Billingfors Spigerverk i Sverige. Forutan hammersmedane og spikersmedane var der og «hammerdreng». I 1775 ser me at Nils Jacobsen Hammerdreng er gift med Karen Haagensdtr. Dei hadde ein son Petter til dåpen. Peder Jacobsen Fjellemoen kjøpte seg eit mindre bruk på Skiftenes. Han budde der i 1801. Dei andre som er nemnt høyrer me ikkje meir til. Då Froland Verk la ned si verksemd hadde dei ikkje noe å leve av. Og så måtte dei reise frå.

#### MERKNADER

1. Årsskrift for Agder Historielag 1955 s. 19.
2. Sjø Dolholt-ætta.
3. « Lauvrak-ætta.
4. « Skiftenes.
5. « Hesthagen-ætta.

## NESET

Gnr 72

Anno 1783 19/7 haver Nils Andersen Skiftenæs udstædt skjøde til Søren Terkelsen paa 1 ksk i Ødegaardsnæsset og 1 ksk i Bomdalen samt halvparten i fælles-skov: Syrebæk-Liene og Ødegaardsnæsset alt u. d. gaard for 130 rd.

Her ser me i panteboka opphavet til Neset som i matr 1889 blei utskild frå Skiftenes som eigz gardsnr. I 1779 har Søren Øgaards Næset og Gjertrud Aanonsdtr dottera Ane til dåpen. Søren var frå Haugebu, Gjertrud frå Liene. Ho var søster til Aanon Aanonsen som kom til Tjore,<sup>1</sup> han var bror til Peder Terkelsen Haugebu og det var trulig dei som rydda Øygardsneset. I 1792 sådde dei der  $\frac{1}{4}$  tn rug, 1 tn bygg og sette  $\frac{3}{4}$  tn poteter.

Søren hadde i 1789 selt frå Bomdalen til Guttorm Anstensen Storenes for 105 rd, så det var bare Neset han sat att med. Søren døde i 1794. Gjertrud som i 1801 gav seg i follaug til svigersonen Samuel Nilsen, døde i 1826 — 81 år gl. Samuel Nilsen var frå Kjærestrom i Birkenes og vigde i 1800 med eldste dotter til Gjertrud og Søren, Gurine. Ætt etter dei har sidan sete med Neset.<sup>2</sup>

I 1876 er det oppgitt at garden har 11 mål dyrka mark, skarp sandjord. Det er ikkje slåtter til og dei kan fø 1 ku og 6 sauer. Utsæden er då  $\frac{3}{8}$  tn bygg og  $2\frac{1}{2}$  tn poteter. Havne-

gang: ikke beqvem, heller klein. Skogen kan gje for 1 spd 60 sk netto til året.

Det var Samuel Nilsen som sat med garden då. Han var f i 1808 og overtok vel først då faren døde i 1847. Etter at Nils var død i 1873 sat enka Anne Gurine Øvensdtr med bruket noen år, men delte så i 1876 med eldste sonen Samuel Nilsen, som 1877 fekk det seinare bnr 2 av skyld mk 0.54, medan Anne Gurine sat att med *bnr 1* av skyld mk 0.56. Ho fekk heimelsbrev i 1877 for 1600 kr. I 1885 overgav ho bruket til sin nest eldste son Øven Sevrin mot follaug.

Øven, som i 1875 var skipstømmermann som brørne sine Samuel og den yngre Nils Johan, døde i 1889 og bruket gjekk då over til Nils Johan f 1850. Sonen Nils Anton Neset fekk skj av sine søsken i 1952 for 7300 kr.

I 1946 var då fråskild bnr 4 Heimtun av skyld 2 øre. Det var rutebileigar Magnus Neset, bror til Nils Anton, som fekk dette og bygde der. Han kjøpte og i 1952 Salvesstykket bnr 5 av skyld 5 øre. I 1956 blei fråskild bnr 6 Paddestien avlessingsplass av skyld 1 øre for 1000 kr. Bnr 1 har då att skyld mk 0.48.

*Bnr 2.* Samuel Nilsen overtok som nemnt i 1877. I 1886 leigde han bort bruket til Gunder Olsen Imenes for 5 år mot årlig avgift 40 kr.

Dottera Tomine fekk i 1889 auksjonsskj for 1261 kr. I 1911 gjekk bruket over til broren Nils Neset for 1900 kr. Han selde i 1938 frå Sørbekklia bnr 3 med skyld 27 øre til Olaf Kristiansen Bakken for 4250 kr. Bnr 2 har då att skyld mk 0.27. Til eigedomen høyrer 7

dekar dyrka mark. Sætehus bygd 1850, uthus 1876.

#### MERKNADER

1. Sjå Augland-ætta.
2. « Kjørestrom-ætta.

## BOMDALEN

Gnr 73

Søren Terkelsen Haugebu kjøpte Øygardsneset (Neset) og Bomdalen i 1783 av Nils Andersen Skiftenes. I 1789 selde han Bomdalen av skyld 1 ksk til Guttorm Anstensen Storenes for 105 rd. Det var då trulig dyrka noe der, for Guttorm sår i 1792  $\frac{1}{4}$  tn rug, 1 tn bygg og set  $\frac{1}{4}$  tn poteter.

Det var vistnok Guttorm som bygde i Bomdalen, for me kan ikkje sjå at noen har bygsla denne plassen. Det var i alle fall ikkje folk der i 1766.

Om dei gamle husa i Bomdalen får me noen opplysingar i skifte 1807 etter Tonje Aanonsdtr, andre kona til Guttorm Anstensen. Der var: 1 stue med 2 fag vinduer samt loft med 2 fag v., 1 kiøken med 1 fag v., tækket med tegl. Et gl stolphus, uthus tekt med hon, 1 båthus. Eigedomen var då sett i 250 rd. Dei hadde 1 ku og 5 sauer.

Guttorm dreiv som båtbygger. Han var av den gamle Steinor-ætta på Skiftenes, men faren, som var yngre son, hadde flakka noe rundt og budd m. a. i Geidaraasen og Klomra u. Landvig.<sup>1</sup> Guttorm selde i 1816 til Terje Olsen Gurebo, men blei nok buande der til sin død i 1822. Sonen Anders Guttormsen budde der

au då. Son til Anders, Ole Andersen, kjøpte eit bruk i V. Skiftenes i 1870.

Guttorm Anstensen feste i 1794 bort ei hustuft til Anne Andersdtr som skulle arbeide ein dag til året for dette. Enka Aase Gundersdtr med son Gunder budde her i 1801. I Bomdalen budde då au Ole Carlsen og kona Gjertru.

Terje Gurebu selde Bomdalen i 1834 til Gjerul Jensen Tingstveit for 150 spd. Han var nok av Haugebu-folket. Etter at Gjerul var død gjekk eigedomen over til søstera Gunhild Marie som var gm John Terkelsen Skiftenes. Han selde i 1841 til Hans Pedersen Storenes for 300 spd.

Hans Pedersen døde i 1864 og eigedomen gjekk over til sonen Anders, som så i 1870 selde til Bent Kristensen Holte frå Birkenes for 500 spd. Same året skilde han frå eit lite stykke av skyld 1 sk som han selde til Bent Aagesen Holte. Bent Aagesen fekk skj i 1883 for 200 kr. Det var bnr 12, Skiftenes. Frå bnr 12 er gått ut Straumnes, som Nils Johan Iglan kjøpte av Kristen Bentsen Bomdalen i 1944 for 3000 kr. (bnr 37 Skiftenes).

Bomdalen hadde 6 mål dyrka jord i 1867. Kunne fø 1 ku og 4 sauer. Utsåd  $\frac{3}{8}$  tn bygg og  $2\frac{1}{2}$  tn poteter. Så det var ikkje så stor jordvegen. Bent Kristensen dreiv som tømmermann. Han døde i 1888. Enka, Helene Halvorsdtr, selde Bomdalen i 1893 til Bernt Hansen Fiskland for 2600 kr. I 1904 selde han frå bnr 2 «Kolebonnen» av skyld 1 øre til Jens Øvensen, som betalte 80 kroner for denne teigen.

Ved sk etter Bernt Hansen i 1949 gjekk

Bomdalen over til dottera Mina Bomdalen for 5000 kr.

Bomdalen bnr 1 av skyld mk 0.58 har 7 dekar dyrka mark og 60 da produktiv skog. Hans Pedersen selde skog for 80 spd på stuen året etter han hadde kjøpt Bomdalen. Skogen blei nok då hardt tatt, for i 1867 er det ikkje skog som kan gje noe til salg.

#### MERKNADER

1. Sjå Skiftenes-ætta I (Steinor-ætta).

---

## SKIFTENES

Gnr 74

På Skiftenes, som frå gamalt av var ein gard med 3—4 brukarar, har det gjennom tidene vakse fram eit lite bygdesamfund. Skiftenes er i dag ei grend med skole og handelsmenn. Og rundt er det ein krans av mindre gardar som ein gong hørde Skiftenes til, men som nå har sjølvstendige gardsnr. Helleren, Bjorhuslia, Neset, Bomdalen og Nedre Grøsle var ein gong plassar under Skiftenes. Og i ei sak i 1750 får me høyre vitne som seier at Gurebu ein gong i tida skal ha høyrd til Skiftenes og blitt skild ut som ein søsterpart, men det ligg så langt tilbake at Saga har gøymt det ho visste.

Frå gamalt av var Skiftenes delt i to gardsnr, Austre Skiftenes 3 huder, Vestre Skiftenes 4 huder, men Vestre Skiftenes blei i 1668 sett ned i skyld til 3 huder. Ved matr i 1889 blei Skiftenes eit gardsnr. I dag er garden delt i nærare femti bruksnr med ikring 25 hus.

Hva er det så som har gitt grunnlaget for ei så sterk oppstykking og oppdeling av gardane og for at folk har kunne slå seg gjennom på dei mange små bruk? Jorda og skogen har nok gitt det eigentlige grunnlaget. På det som i dag er sjølve Skiftenesgarden, var det i 1867 i alt 279 mål dyrka jord og skogen kunne gje for 292 spd til året, eller det meste me har

for noen gard i Landvik. Og husdyrtalet var 8 hestar, 33 kyr og 100 sauer. Går me tilbake til gamle matrikkeloppgaver, ser me at husdyrtalet har vakse. I matr 1723 er det såleis gitt opp at garden kan fø 4 hestar, 25 kyr, 34 sauer og 40 geiter. Same auke vil me og finne for avlingane. Men jord og skog kunne ikkje gje heilt næringsgrunnlag til det aukande folketal på garden. Dei flytta ikkje ut, Amerikafeberen fengde ikkje her. Dei hadde *Rore!* På Skiftenes vaks det opp ein heil industri som hadde Rore og Søndle som grunnlag. Dei tok til å bygge båtar på Skiftenes og dreiv med dette attåt gardsbruket. Og mange var tømmermenn, heime eller til sjøs. Og folketalet vaks. I 1801 budde det 15 huslyder på Skiftenes med Neset og Bomdalen, i alt 66 med stort og smått. I 1875 var det på sjølve Skiftenes 85 personar og på plassane Halvorsviga, Øygarden, Revedalen, Veien og Suggelia 39, Neset og Bomdalen 12.

Det var elles ikkje bare på Skiftenes dei dreiv og bygde. Frå tingbøkene har me i 1828 ei opplysing om at Adam Olsen Østre Skiftenes er skipsbyggmester og 39 år. Han bygde i 1819 ein slup i Grømstad. Andre har ført båtbyggaryrket vidare ute. Me kan nemne Toralv Westermoen i Mandal. Farfaren, Hans Johan-

nesen på Vestermonen som var f 1836 er i 1875 «gaardbruger, selveier og baadbygger».

#### *Dei gamle på Skiftenes.*

Det er gamal kulturjord på Skiftenes. Fornfunn av sølv tyder på velstand og makt. Første gong me finn Skiftenes i skriftlige kjelder er i 1591 då Halvor Skyftenes møter som lagrettemann til valg av sendemann til kongehyllinga i Oslo. Han var nok ein mektig mann, og han åtte trulig heile Austre Skiftenes, for i 1624 ser me at «Arne Halvuorsen Øster Schifftenes eiger til odel med sine 5 sødschinde udi forn. gaard — 3 huder. Dei hadde au 1½ ksk i Torp, trulig morsarv.

På Vestre Skiftenes 1624: Annsteen Steenersen Wester Schifftenes eiger til odel 1 hud 4 ksk. Lauridz Christensen: nock hans odel i W. Schifftenes paa sine egne og børns vegne — 1 hud. Han hadde au ½ hud kjøpegods og ½ hud pantegods i garden. Og han hadde på «hans qvindes og børns vegne» 8 ksk i Søisdal i Froland, 1 gsk i Øvre Østerhus som var odel til kona hans, og 1 hud pantegods i Østerhus. Laurits hadde såleis tilsaman 4 huder jordegods. Både Laurits, Anstein og Arne er nemnt frå 1610 og utover som krone- og leiglendingbønder. Halvor er siste gong nemnt i 1618. Ein Erich Schifftenes er nemnt som husmann i 1610, men ikkje sidan.

Ætta etter Halvor som sat på Austre Skiftenes dør ut på mannssida på 1600-talet. Halvorsborna åtte som me har set heile garden, men det var nok ingen grunnfest velstand der. Eller au har dei øydt arven heller fort. I 1624 pantset Arne Østre Skiftenes til Laurits V. Skiftenes eit stykke eng i Austre Skiftenes — Trætteengen kaldet — for 5 rd til brukelig pant i fem år. Så seint som i 1673 ser me at Aslak Olufsen Skiftenes får overdratt pantet, så det blei nok meir enn fem år. I 1625 pantset Arne — han er då skriven Aadne Halvor-

sen — for 5 rd eit jordstykke aust for «Haugebolonen som kaldes Ramsaas» til Morten Frivold. Same året pantset Rasmus Halvorsen også eit stykke ved Haugebulona til Morten Hansen Frivold for 3 rd, med rett for Morten til å drive skogen og bruke saga. Det er fastsett nærare grenser for stykket. Det måtte vere høgt pengeverd — eller låg verdi på skogen i den tid!

Me kjenner ikkje til etterkomarar etter Arne. Men Helleik Rasmussen som er 60 år i 1664 må me gå ut frå var son til Rasmus Halvorsen. Helleik hadde ei dotter, Ane, som blei gm Ole Andersen Imenes.<sup>1</sup> Den siste av denne ætta Nils Torjusen døde på Skiftenes i 1849. Han og søstera Marte hadde testamentert garden dei sat med — 10 ksk — til Ole Osulsen Salvestjønn i 1833. Og ætt etter han<sup>2</sup> sit ennå med bnr 1 Haugen, som me såleis kan fylgje ned gjenom tidene. Det kan elles vere vanskelig på Skiftenes, med all den oppdeling det har vore.

Steinor-folket på Vestre Skiftenes var harde hausar. Under sakefall 1611—12 finn me dette: Ansteen Schifftenes sack Wrold Offueland itt kniffsting derfor sonit 5 dl. Og Steinor Skiftenes, som me må gå ut frå var son til Anstein Stenersen, gjekk det verre med. Han drap Christen Haugebu. Dette hende trulig i 1634, for Christen er på Haugebu i 1633, men ikkje i 35. Då finn me dette i lensrekneskapen:

Giffuet Mester Manden for en fange ved nafn Steener Schifftenes, for drab han paa Christen Haugeboe hafde beganget, for Mester Manden udi Tønsbergh at hendte, for hannem og en som hendte hannem, deris fortering paa reisen fremb og tilbage, saa og for fangen at hen rette penger — 18 dlr. For fangens kost udi fiorten dage: om dagen 12 sk er penger — 7 ort.

Så kort og dramatisk er referatet. Meir får me ikkje greie på. Christen var trulig den same som Christen Vestre Skiftenes som var knekt i Kalmarkrigen. Me finn ikkje etterkomarar etter Stener, men derimot etter Oluf Ansten-



*Skiftenes med Vestermoen i forgrunnen.*

sen, som sikkert nok var broren. Og namna Stener — eller Steinor som dei nok sa — og Anstein går att og er så karakteristiske at når me møter dei, i alle fall når me har begge namn, kan me tålig sikkert gå ut frå at dei høyrer til ætta.<sup>3</sup> Det gjekk så opp og ned med dei i denne ætta. Til slutt gjekk det mest ned — i alle fall på Skiftenes.

Frå Laurits Christensen som sat med så mykje jordegods i 1620-åra, er ætlinene ikkje fullt så greie. Men Aslak Lauritsen som me finn på Vatnestrånd i 1664 er tålig sikkert ein av sønene, og Aanon Lauritsen som er på Austre Skiftenes må me au gå ut frå er son til Laurits Christensen.<sup>4</sup> Me kan fylgje ætta på

Skiftenes frå Aanon til Leif Skiftenes i dag og frå Aslak til dei på Vestermoen. Aslak-ætta kan me au fylgje vidare til folk på Aagre nå, alle i ei bein mannsline på nærare 400 år.

#### *Garden i 1640-åra og utover.*

I 1645 finn me på A. Skiftenes: Annon og hans quinde, Helleg og hans quinde, en pige Aase, Anne Torsdaater, Christen og hans quinde, Oluff og hans quinde.

På V. Skiftenes: Oluff og hans quinde, Aslach og hans quinde, en pige Anne, Karel og hans quinde, ung Oluff og hans quinde, Jacob og hans quinde.

På Austre Skiftenes hadde det gått ut med

Halvorsønene. Gudlaug Hamre i Tveit hadde slått til seg heile garden, det ser me av landskatten 1647 då Gudlaug «biuger» garden 3 huder til Helleik og Aanon. Det er bare desse to som er brukarar i 1657 (kvegskatten). Me kan vel gå ut frå at garden blei delt då Arne og Rasmus Halvorsen overtok etter Halvor Skiftenes. Dei andre som er nemnt på garden i 1645 er då trulig husmannsfolk eller innerstar. Christen sat trulig på Hellingen. Aanon og Helleik er brukarar av 1½ hud hver også i 1668. Bjørn Rasmussen, ein bror av Helleik(?), er nemnt som husmann i mt 1664 og er då 48 år. Det er einaste gong me finn namnet.

På Vestre Skiftenes er det nok gått ut med jordegodset for Steinor-folket. Det er Lauritsættlingane som sit der som brukarar. Etter Landkom 1661 eig og brukar Aslach Lauritsøn 1 hud og 5 ksk og leiger 7 ksk av Aslak og Jens Søisdal. Oluff Aslaksen eig 11 ksk og leiger ½ hud av arvingane etter Ole Hunsdal og av Søysdalsfolket 7 ksk. Kristen Grøsele er husmann. Han heitte Kristen Karlsen, og Karel som me finn i 1645 sat altså alt då som husmann på Nedre Grøsele. «Ung Oluff» er trulig Oluff Aslaksen. Den andre Oluff'en er då Oluff Anstensen som er på V. S. i 1657 og betalar 2 ort 8 sk i kvegskatt, medan Oluf W. S. betalar 1 dl 2 ort 2 sk, og Aslak 1-1-11. Jacob som me finn i 1645 er Jakob Anstensen, ein bror til Ole Anstensen. Han var 50 år i 1664.

#### *Omskifte på garden. Innflytting frå Mykland.*

Først i 1660-åra er det eit større omskifte på V. Skiftenes. Laurits-folka flytter frå. Aslak er på Vatnestrånd i 1664. Også Ole Aslaksen er borte. Han kan vere død, men søner er ikkje nemnt, derimot må me gå ut frå at Aslak Olufsen som er brukar av ¼ av garden

i 1668 er sonen. Ola og Jakob Anstensen må ha fått kjøp på jordegodset som fedrene deira hadde ått, men greidde nok ikkje å sitte med det. I 1668 står det under V. S.: Christen Løffrach, Gregers og Christen Uldahl i Raabiugdelaget eier med odell og pant 7 gsk 2½ ksk. Aslak Olsen med sin versøster har 4½ ksk og Aslak Søisdal 8¼ ksk. Skyldet på garden er nå sett ned i 3 huder og desse Myklandsfolka eig såleis omlag ⅔ av jordegodset. Brukarar er Olle Christensen 1½ hud, Olle Anstensen 3 gsk og Aslach Olsen 3 gsk. Det er såleis tri bruk på garden. Ole Christensen var son til Christen Lauvrak og han sat lenge på Skiftenes. Han var av Gauslaa-ætta. Broren Halvor kom til Retterholt. Ola døde på Skiftenes i 1729 — 97 år og 6 månader gl. Han hadde ingen søner. Ei dotter, Karen, vigde i 1699 med Aslak Toresen Rosef, men han døde året etter, bare 21 år gl. Karen vigde oppatt med Berulv Halvorsen Bereli og dei overtok garden.

Joran Olsdtr Skiftenes «paataler» i 1714 sin odelsgard V. Skiftenes «som i hendes umyndige aar uden laugbydelse er hende frakommen». Det blir åstadssak på Skiftenes året etter og av denne saka får me vite at Ole Anstensen og broren Jakob hadde ått i alt 23½ ksk i V. Skiftenes. Det blir då lagt fram pantebrev frå Ole Anstensen i 1662 og frå Jakob i 1663 til Christen Olsen Løvrak, Gregers og Christen Olssøner Uldahlen.

Joran var dotter til Ole Anstensen. Saka i 1715 galdt 17 ksk i garden. Gregers og Christen Uldal hadde transportert pant på 1½ hud til Jacob Riis (i Christianssand) og han hadde transportert det til Aanund Torsen Løvrak, «som er svoger til Ole Christensen Skiftenes, som er Christen Løvraks søn», heiter det. Sakføaren som møter for Joran, hevder at dette var pantegods og ikkje eigedomsgods. Commissarie Riis hadde fått godset for gjeld og kunne ikkje



«med lovlig føie» skjøte det vidare. Han legg ned påstand om at Joran får tilkjent  $\frac{2}{3}$  av dei 18 ksk for 80 rd som Aanund Lauvrak har gitt. Saka ender med forlik. Joran skal få 5 ksk for 80 rd «til brug og raadighed». Til vederlag for låg løysingssum gir ho frå seg odelsretten til 1 hud i garden som motparten eig og har rådvelde over.

På Austre Skiftenes er det David Møll i Holum som har overtatt det meste av jordegodset i 1668. Det er bare «skouff til husbehov» der, men på V. Skiftenes har dei både til stolper og barkhoner. Der har dei au «en flomquern, et lidet ørretfiskeri». På hver gard kan dei fø 2 hestar, 18 naut og 24 smaler. Utsåden er 6 tn  $3\frac{1}{2}$  fj på Austre, og 6 tn på Vestre Skiftenes.

Helleik Skiftenes har 1 gsk i pant i A. S., Askild Haugebu og 1 gsk. I 1674 er det arvingane til Helleik som har det eine gsk. David Møll sit framleis med  $2\frac{1}{2}$  hud i garden. I 1672 betalar Ole Aanonsen Ø. Sk. drengeskatt 1 rd.

Me såg at Aanon og Helleik brukte hver sin halvpart av Austre Skiftenes. I 1680 pantset David Willumsen Møll plassen Hellenen til Ole Aanonsen, og i 1689 sel David Møll 5 gsk i garden til Stener Anstensen Østre Skiftenes. Aanon Lauritsen hadde i 1672 fått kjøp på  $1\frac{1}{2}$  ksk i garden. Når Stener Anstensen kom til A. Sk. hadde det seg slik at han vigde med Kirsti Pedersdtr som då sat enke der. Mannen hennar, Ole Aanonsen, var det sk etter i 1688.

Helleik-godset, det som var att i den gamle Halvors-ætta, gjekk til Anne Helleiksdtr som vigde med Ole Andersen Imenes. Han hadde nok si mektige ætt i ryggen. I 1701 brukar han halve garden saman med sonen Anders. Den andre halvparten brukar Steinor Anstensen. Hvert bruk på 1 hud  $4\frac{1}{2}$  ksk. Anders eig sitt bruk i 1706. Steinor eig 1 hud  $\frac{1}{2}$  ksk.

#### *Garden på 1700-talet.*

Lauvrak-folket hadde Skiftenesstølen au, skyldsett til 3 ksk i 1668. Anstein, son til Ola Ansteinsen, sat der då. I 1701 er Torjus Ansteinsen der som leiglending. På V. Skiftenes brukar då Ole Christensen 2 huder 3 ksk og Aslak Aslaksen 6 ksk, så skyldet på sjølve garden er då ført opp med 2 huder 9 ksk. Men i matr 1706 er V. Skiftenes på ny ført opp med 3 huder og Skiftenesstølen  $\frac{1}{4}$  hud. Steinor-folket har nok nå fått løyst inn noe av pantet, for nå brukar Ole Christensen 1 hud 5 ksk. Dette samstavar med saka frå 1715. Torjus Ansteinsen har Skiftenesstølen i 1706 og er såleis ikkje lenger leiglending. Han eig og 5 ksk i V. Skiftenes. Broren, Steinor Ansteinsen, har 4 ksk, men han var ikkje «propritarie besidder». Derimot har Aslak Aslaksen og Svend Andersen 10 ksk. Svend er eit nytt namn. Han var nok ein bror av Ole Andersen og hørde såleis til Imenes-folket. Svend var gm Guri Olsdtr som døde i 1693. Ho var trulig dotter av Ole Ansteinsen. Ved sk etter Svend i 1714 får me oppgitt at brorson hans er Anders Aslaksen Imenes. Guri Olsdtr hadde nok først vore gm Aslak Olsen. Dette forklarar at Aslak Aslaksen og Svend i 1706 brukar dei 10 ksk i hop. Svend åtte  $2\frac{1}{2}$  ksk i garden i 1714 og no hadde vel døtrene Gjertrud og Ragnhild fått utlagt. Dei står oppført som brukarar av  $3\frac{1}{2}$  ksk i 1723. Torjus Ansteinsen brukar då  $7\frac{1}{2}$  ksk og dessutan Skiftenesstølen, Steinor Ansteinsen og Aslak Aslaksen har  $6\frac{1}{2}$  ksk hver. Me ser nå at det er 5 brukarar, mot 4 tidligare. Men det er ikkje så mange på hvert bruk. I 1711 var det i alt 20 personar på V. Skiftenes med Stølen. På Austre Skiftenes var det då framleis bare 2 brukarar, Anders Olsen og Steinor Ansteinsen. Med tenarar i alt 14 personar. På plassen Øygarden sat det 2 jenter. Andre plassar er ikkje nemnt.

I 1723 brukar Anders Olsen  $1\frac{1}{2}$  hud, Stei-

nor Ansteinsen 10½ ksk og Peder Olsen 7½ ksk. Steinor hadde som me såg også jord i V. Skiftenes som han brukte. Han var stefar til Peder Olsen. Steinor måtte elles ha vore gift før han fekk enka på Austre Skiftenes. For Peder, stesonen hans, blir gm Karen Steinorsdtr som var f 1686. Steinor sjølv gifte seg (for 4. gong) med Gjertru Olsdtr, dotter av Ole Andersen. Og med henne hadde han 4 søner og 2 døtre som alle levde ved skifte etter mora i 1742. Men det gjekk heilt ut for Steinor. Han, eit par av sønene og ei dotter er tilstades ved skiftet . . . . hvilche alle samtlige sagde at dette stærvboe er saa aldeles forarmet at de viste alldeles intet at nafngive som kunde være at andføre til skifte og dele.

Det stod likare til med svogeren Anders Olsen. Han var likna for 50 rd i 1743. Han var gm Astri Olsdtr, som nok var dotter til Ole Christensen på V. Skiftenes, så dei gjekk ikkje langt etter gifta si noen på Skiftenes på den tida! Dotter deira, Mali, var gm Jens Torjusen på Skiftenesstølen. Bror til Mali, Ole, vigde med Kari Torjusdtr. Anders og Astri gav opp sitt bu i 1744. Dei hadde då i alt 16½ ksk i Austre og 3 ksk i Vestre Skiftenes. Men det var ikkje så lite gjeld, dei måtte legge til 7 ksk av jordegodset. Det kosta å skifte den gongen. For skiftekostnaden, vel 12 rd, tok skrivaren 3 kyr, 1 kvie og 3 vaksne sauer. Dottera Ane fekk ein svart hest for 6 rd. For brylloputstyr, heimanfylgje og tenestløn — ho var då 27 år — fekk ho i alt 22 rd. Største gjeldsposten ved dette skiftet var ein pantobligasjon med rente på tilsaman 77 rd. Men om det var relativ velstand hos «Imenesfolket» kom det til å gå ut herlig fort her au. I 1759 sel Ole Andersen til Anders Tulle 7⅞ ksk i garden for 233 rd. Anders Tulle hadde året før kjøpt om lag 6 ksk i garden av mønster-skriver Geelmuyden for 80 rd. Tulle let sonen cornet Daniel Thurman få dette jordegodset

og han kjøper au 10½ ksk i V. Skiftenes.

Denne Daniel Thurman skulle vere noe av ein storkar. Han hadde au Berge i Fjære der han levde på «stormanns vis».<sup>5</sup> På den gamle vegen om Imenes er det ein stad dei kallar Turmanns kleiv. Det er nok eit minne frå rideturane til denne karen. Herligdomen varde elles ikkje lenge. Alt i 1763 er det slutt. Men han hadde i 1760 ei sak med Ole Andersen som hadde fått plassen Snømyr. Det var sonen Torjus som reiste saka. Han kravde 319 rd for nye hus han hadde bygt på garden som far hans hadde selt, men får ikkje medhald i retten. I 1762 stemna så cornet Thurman «hans husmand Ole Andersen Snemyhr til avvigelse av citantens eiende plads Snemyhr». Årsaka til søksmålet er at Ola ikkje skal ha oppfylt pliktene sine som husmann. Det kjem au fram at han har beita hesten sin på Skiftenes mark og at han har hogge ulovlig. Ola nekter å ha hogge ulovlig, bare ei eik som stod nær «hau-gen» hans. Han trudde au at han hadde lov til å beite, då sonen hans hadde spurt Thurman om det. Vitna er Gunbøn Jensen på plassen Kolaasen, Ole Stenersen Skiftenes og Torborg Olsdtr gm Jon Baardsen på plassen Busledalen under A. Skiftenes. Ole Stenersen vitna at Ole Andersen ved salget til Thurman fekk plassen Snømyr på livstid, med fôr til 2 kyr og 6 geiter. Vitna visste elles ikkje noe om arbeidsplikt, om beiting og skogshogst. Saka blei utsatt og då Thurman måtte gå frå garden, høyrer me ikkje meir til søksmålet.

I 1750 hadde eigarane av Skiftenes ei stor bytesak med Gurebu. Eigaren av Gurebu vann denne saka.

Det var Søren Svendsen Lunden som i 1763 slo til seg for 310 rd Ole Andersens gamle ættegard på 1 hud <sup>83</sup>/<sub>104</sub> ksk som Thurman hadde kjøpt. Søren hadde au litt jord til i Skiftenes og i 1764 makeskifta han 1¼ hud med Anders Nilsen Gurebu for 365 rd. Året

etter fekk Torjus Olsen kjøpe garden tilbake for same sumen. Det var trulig odelsøksmål som låg til grunn. Torjus hadde nok ikkje makt til å sitte med heile eidedomen, for han sel eit par veker etter 9 ksk tilbake til Anders Nilsen for 369 rd. Torjus sat såleis att med 6 ksk utan pengeutlegg. I 1770 tok han si faster Anne Andersdtr i follaug og fekk då 3 ksk i garden som ho sat med. Han berga såleis halve garden som farfaren hadde ått. Sønene hans sat sidan med garden og hadde 10 ksk. Siste mannen i ætta, Nils Torjusen, og søstera Marthe testamenterte i 1833 garden til Ole Osulsen Salvestjønn som tidligare nemnt.

Nils Andersen var på Skiftenes frå 1772 og utover. Faren, Anders Nilsen Gurebu, selde i 1776 frå  $\frac{3}{4}$  i plassen Øygarden til Frolands Verk for 150 rd, skyldsett til 1 ksk. Nils Andersen får i 1778 kjøp på garden av sine søsken for 522 rd. Det er nemnt at det er 2 huder  $\frac{1}{4}$  ksk, men det kan snautt vere rett. Året etter kjøpte han til  $10\frac{1}{2}$  ksk i V. Skiftenes og 3 ksk i Skiftenesstølen for 798 rd. Men same året selde han  $9\frac{3}{4}$  ksk i A. Skiftenes til Aanon Anstensen for 350 rd. Nils Andersen var nok ein drivande gardbrukar. Han fekk sølvmedalje med diplom for «udvist flid og vindskibelighed i agerdyrkningsvæsenet». I tb frå 25. oktober 1779 heiter det om dette:

— Fremdeles blev i samtl. almues og lavrettes tilstedeværelse i underdanigst følge Hans kongl. Høihed arve printz Friederichs befaling til det kongl. Norske Videnskabers Selskab i Trondhiem overleveret av sorenskriveren som selskabets medlem til nærværende Niels Andersen Schiftenes av Landvig sogn en av høibemeldte Hans Kongl. Høiheds gavmildhed til bemeldte Niels Andersen skienket sølvmedaile for udvist flid og vindskibelighed i Agerdyrkningsvæsenet, saavel som hosfølgende selskabs trykte æresplacat, alt med anbefallet opmuntring saa vel for ham selv at bevare bemeldte mindesmerke som for almuen og ham at fortsette og videre befordre landhusholdnings og agerdyrkningsvæsenet her i districtet, til hvilken ende bemeldte trygte placat blev lydelig oplæst.

Nils Andersen var av Nørholmen-folket og hørde nok til bondearistokratiét om me kan tale om det på den tida. Men i 1790 går bruket hans i V. Skiftenes til auksjon og ikkje så lenge etter sel bror hans Gurebu, og dei kjem bort frå bygda.

\*

Går me tilbake til 1723 ser me at Steinor Ansteinsen sat med  $10\frac{1}{2}$  ksk og stesonen Peder Olsen med  $7\frac{1}{2}$  ksk i garden. Det var tilsaman den gamle halvparten av Austre Skiftenes. Peder sat på Monen. Sonen Ole Pedersen hadde  $8\frac{1}{4}$  ksk i 1765. Sonen Peder Olsen fekk garden, men selde i 1780 til Ole Nilsen Haaland for 350 rd. Bror til Peder, Arne Olsen, var det som i 1790 kjøpte det bruket i V. Skiftenes som Nils Andersen hadde. Og ætta sat der (bnr 919) til Arne Olsen selde resten av eidedomen i 1905.

Ole Nilsen Haaland som kjøpte Skiftenesmonen, fekk tillagt noe jordegods. Han brukte 1 hud  $\frac{1}{4}$  ksk i 1792. I 1800 selde han frå  $\frac{1}{4}$  i plassen Øygarden til Terje Olsen Gurebu for 50 rd. Terje hadde kjøpt resten av plassen av Frolands Verk. Ved nytt tilkjøp kom garden opp i  $11\frac{3}{4}$  ksk. Garden blir i 1822 delt mellom Nils og Adam Olsen. Adam fekk det seinare bnr 2, Nils bnr 5.

Anstein Stenersen sat med fjerdeparten av A. Skiftenes i 1753 då han selde til broren Ole ( $8\frac{1}{4}$  ksk) for 348 rd. Det er ikkje heilt klart hossen det gjekk med dette bruket, men Ole Stenersen kom til Bjorhuslia. Ætta sat der til midt i førte hundreåret. Ein soneson, Ole Christensen, kom til Nedre Tønnesøl. Det er mogeleg at det var restane av bruket til Ole Stenersen som Nils Andersen Gurebu i 1782 selde til Peder Jakobsen Fjellemoen, 3 ksk for 230 rd. Peder Jakobsen var i 1786 hammer-smed på Gurebu.

I 1792 finn me desse brukarane på Austre

Skiftenes: Ole Nielsen 1 hud  $\frac{1}{4}$  ksk, Torjus Olsen 6 ksk, John Torjusen 3 ksk (blei seinare slått ihop), Aanon Anstensen  $9\frac{3}{4}$  ksk, Peder Jakobsen 3 ksk. Utsåden på desse bruka var  $10\frac{1}{2}$  tn bygg og  $\frac{3}{4}$  tn rug. Dei dyrka ikkje poteter, endå potetdyrking då så smått var komen i gang over heile Landvik.

#### *Vestre Skiftenes.*

Endå vanskeligare enn på A. Skiftenes er det å fylgje eigarane av dei mange bruk på V. Skiftenes. Går me tilbake til 1723 har me tidligare nemnt dei fem brukarane då, men me kan trulig gruppere dei i 3 ættegrupper. For det første Berulv Halvorsen, svigerson til Ole Christensen som brukte 1 hud. Så har me Torjus Anstensen  $7\frac{1}{2}$  og Steinor Anstensen  $6\frac{1}{2}$  ksk, tilsaman 1 hud 2 ksk, og som den tredje gruppa Aslak Aslaksen  $6\frac{1}{2}$  ksk, og halv-søstrene Gjertrud og Ragnhild Svendsdøtre  $3\frac{1}{2}$  ksk, tilsaman 10 ksk.

Me skal først ta for oss den siste gruppa. Gjertrud Svendsdtr døde i 1741. Ho var gm ein Ole Svendsen. Dei hadde ei dotter Guri som vigde med Isak Olsen Reiersøltræ, seinare med Eric Larsen. I 1775 får Ole Engelsen kjøp på eigedomen og det blir «grunnstammen» i den eigedomen som Leif Skiftenes nå har.

Då Aslak Aslaksen døde i 1743, var buet fallitt og dei  $6\frac{1}{2}$  ksk blei utlagd til kreditorane. Ole Pedersen A. Skiftenes fekk eigedomen i 1748, men i 1752 går han over til yngste son til Aslak Aslaksen, Ingel eller Engel Aslaksen, som då er skriven Engel Aslaksen Søndelsøen. Han var gift med ei jente der. Engel greidde visst ikkje å sitte med eigedomen, for i 1759 får lensmann Knud Andersen Imenes auksjonskjøte for 181 rd. Men Lars Engelsen fekk så bruket i 1762. Ole Pedersen som berga bruket

for ætta var gm dotter til Ole Aslaksen. Han var død før faren.

I 1792 ser me då at Lars Engelsen sit med  $6\frac{1}{2}$  ksk og broren Ole Engelsen med  $3\frac{1}{2}$  ksk. Lars Engelsens bruk går over til sonedottera Astri, som i 1816 vigde med Steinor Christensen. Det er noe meir uvisst med dei andre bruka. Ansten Stenersen vigde med Anne Berulvsdtr og dei overtok nok bruket etter Berulv Halvorsen.

Då Ansten gav opp til skifte i 1767 åtte han  $9\frac{1}{2}$  ksk i V. Skiftenes for 400 rd og  $9\frac{1}{2}$  ksk i A. Skiftenes for 300 rd. Det var 5 søner og 3 døtre. Den eldste av sønene, Stener Anstensen, bleiv i Rore i 1777. Han hadde då  $9\frac{1}{2}$  ksk i Skiftenes. Anders Anstensen fekk i 1790 auksjonsskj på Skiftenesstølen for 3 ksk for 136 rd. Her sat tidligare Torjus Anstensen og sonen Jens Torjusen. Det er elles mykje kjøp og salg og pantsettingar, så det er uråd å halde greie på eigedomsgangen. Nils Jensen får i 1760 kjøp på  $10\frac{1}{2}$  ksk for 360 rd, men sel alt i 1762 til cornet Thurman for 890 rd. Anders Aslaksen Imenes slår til seg garden i 1763 for 755 rd og sel så i 1779 til Nils Andersen, sjå tidligare. I 1790 får Arne Olsen auksjonsskj for 455 rd. Eigedomen er såleis komen ned i det halve av det Thurman gav for han. Arne var son til Ole Pedersen A. Skiftenes og Berte Olsdtr, dotter av Ole Aslaksen V. Skiftenes. Dei hørde begge til same ætta langt tilbake.

I 1792 brukar Anders Anstensen  $6\frac{1}{2}$  ksk, det same som farfaren Steinor Anstensen i 1723, og dessutan Skiftenesstølen 3 ksk. Christen Stenersen, son til Stener Anstensen som døde i 1777, har 9 ksk, Arne Olsen  $10\frac{1}{2}$  ksk. Lars og Ole Engelsen er tidligare nemnt. Me ser såleis at dei av Steinor-ætta sit med 1 hud  $6\frac{1}{2}$  ksk i garden ved utgangen av hundreåret, dei av Laurits- eller Aslak-ætta med 1 hud  $10\frac{1}{2}$  ksk.

*Garden først på 1800-talet. Oppdeling og utstyking.*

I åra kring 1800 og utover er det mykje omskifte på garden, med tilkjøp og fråsalg. Nedre Grøsele blir gard, før var det plass der. Dei på Vestre Skiftenes feste i 1795 Nedre Grøsele til Even Pedersen og kona for årlig avgift 3 rd. Året etter får Even kjøp på  $\frac{1}{4}$  ksk av Arne Olsen for 90 rd. Det var opptaket. Sidan kjem det kjøp etter kjøp. I 1807 fekk Ellef Torsen Kiland feste på Grøsele. Han var ein drivande kar, komen frå Uldal i Mykland. Han fekk løyve i 1808 til å drive gjestgjevarverksemd i Nedre Grøsele. Og han kjøpte opp gardpartar i Skiftenes. Han kjøpte  $4\frac{3}{4}$  ksk av Stener Christensen i 1818 for 241 spd, men selde i 1826 til Osmund Arnesen for 550 spd. Arne Olsen som sat med vel 10 ksk fekk kjøp på  $3\frac{3}{4}$  ksk av Stener Christensen i 1820 for 400 spd. Eilev kjøpte au av Terkel Johnsen. Terkel var ny mann på Skiftenes, men hadde gifta seg med ei dotter av Anders Ansteinsen som hadde eit bruk i Skiftenes og Skiftenesstølen. Terkel var av den gamle Dolholt-ætta.<sup>6</sup> Terkel hadde  $6\frac{1}{2}$  ksk i Skiftenes då han i 1818 selde  $\frac{1}{4}$  ksk, Terjeshei og Lensmannsneset, til Elef Thorsen Grøsele.

I 1833 sel Arne Olsen Skiftenes halve garden  $6\frac{15}{16}$  ksk utan hus til Ole Nilsen Igland for 685 spd. Det er delingsforretning same året. Same året har Engel Olsen og Terkel Johnsen takst på deira sams eigeedom  $9\frac{3}{4}$  ksk i V. Skiftenes som blir sett i 800 spd. Eldgamalt hopehav er såleis ikkje oppløyst endå det var minnelig utskifting for heile V. Skiftenes i 1826.

Stener Christensen døde i 1826. Han sat då att med  $2\frac{5}{8}$  ksk i garden. Dette fekk Engel Olsen og Osmund Arnesen kjøp på i 1828 for 282 spd, utan hus. Det er såleis Osmund Arnesen som får det meste av det bruket Stener

Christensen hadde. Osmund Arnesen hadde i 1835 takst på garden sin  $6\frac{1}{16}$  ksk for lån i Norges Bank. Utsåden er (avling i parentes) i tønner: Bygg 3 (18), poteter 3 (25—30), havre 1 (4), rug  $\frac{1}{4}$  (1). Kan fø 4 kyr og hest, 10—12 sauer og geiter. Skogen årlig netto 10 spd. Sagparter:  $\frac{1}{10}$  i Holdals sag,  $\frac{1}{6}$  i Vrangekleiv sag. Kvern:  $\frac{1}{2}$  i kvernestaden til V. Sk. Hus: Fornøden vaan- og udhus i brugbar stand. Takst: 600 spd, husa ikkje medrekna. Det gjekk ut med Osmund. Han fekk plassen Suggelia i 1855 og døde der i 1875.

Ole Engelsen kjøpte i 1808 1 ksk av broren Lars. Han kjøpte au som nemnt resten av Stener Christensens gard saman med Osmund Arnesen. Blei delt i 1847 med  $1\frac{5}{16}$  ksk til hver. Sonesonen Johannes Engelsen kjøpte i 1847 av Terkel Johnsen  $3\frac{1}{8}$  ksk for 500 spd. Osmund Arnesens gard blei delt i 1861 då Johannes Engelsen fekk utskild det han hadde kjøpt (4 ort 12 sk). Johannes åtte då ei samla skyld på noe over 11 ksk eller 3 dl 14 sk.

Hossen gjekk det så på Austre Skiftenes? Me har nemnt tidligare at Skiftenesmonen som Ole Nilsen Haaland kjøpte i 1790 i 1822 blei delt mellom sønene Adam og Nils. Og at Torjus Olsens bruk i 1833 ved testamentet gjekk over til Ole Osulsen Salvestjønn. Aanon Anstensen sat med  $9\frac{3}{4}$  ksk i 1792. Sonen Anstein Aanonsen fekk sidan garden. Det gjekk etter hvert tilbake med han som med ætta på V. Skiftenes. I 1815 har Anstein  $8\frac{3}{4}$  ksk og sel då frå Busledalen og part i Tønnesølmyra til Nils Torjusen, skyldsett til 1 ksk. I 1821 pantsat han Snømyr  $1\frac{3}{4}$  ksk til Tellef Pedersen. Same år får Tellef Pedersen  $3\frac{3}{4}$  ksk i garden mot vederlag Snømyr og mellomlag 275 spd. Anstein hamnar då på Snømyr. Tellef Pedersen hadde i 1819 kjøpt dei 3 ksk som Peder Jakobsen Fjellemoen kjøpte i 1780. Dette vesle bruket hadde gått i fleire handlar. Tellef (Peder Tellefsen) gav 400 spd for eigedommen. Tellef

sat med  $7\frac{3}{4}$  ksk i garden som blei taksert for 600 spd i 1833. I 1838 har han 9 ksk og makeskifter då med Thor Ellefsen Grøsle. Anstein Aanonsen selde Snømyr i 1827 til Terje Olsen Gurebu for 193 rd, og Anstein sat sidan som husmann. Snømyr har sidan høyrd til Gurebu.

Thor Ellefsen Grøsle kom ikkje til Skiftenes. Same dag han hadde makeskift med Tellef Pedersen, selde han dei 9 ksk til Ole Aasulsen for 800 spd. Var lnr 174 av skyld  $7\frac{3}{4}$  hud og  $1\frac{1}{4}$  ksk i lnr 172. Næv. bnr 10 Garden. Ole Aasulsen sat så med både Haugen og Garden, og i 1854 kjøpte han og Veggen 1 ksk. Han sat då med 1 hud 8 ksk etter gamalt skyld.

*Litt om dei einskilde bruk dei siste 100 år.*

Matr 1889 slo Skiftenes saman til eit gardsnr. Men dei eldre bruka på Austre Skiftenes kjem som ein vil sjå nedanfor først i matrikkelen. Me skal etter panteboka ta med noe om dei enkelte bruk og eigarane. Me tar då til med

*Haugen* bnr 1. Gl skyld 10 ksk. 1833: Ole Osulsen Salvestjønn får garden ved testamente frå Nils Torjusen og Marte Torjusdr. 1862: Terje Olsen, son til Ole Osulsen, får 6 ksk i garden (og dessutan Veggen 1 ksk) med lausøyre for 1600 spd. Året etter får Terje resten av bruket 4 ksk mot follaug for Ola og kona. 1892: Uskifteløyve for Terje Olsens enke Gunhild Terjesdr. 1917: Skj til Ole Jørgen Terjesen for 18 500 kr. 1948: Skj frå Terje Terjesen til dotter Gudrun Terjesen for 25 000 kr.

Haugen har 24 dekar dyrka jord og 1000 dekar produktiv skog. Sætehus i  $1\frac{1}{2}$  høgde på 110 kvm, ombygd og modernisert 1936. Uthus 1951. Skyld mk 5.88.

*Garden* bnr 2. Det var dette bruket Adam Olsen fekk då farsgarden i 1822 blei delt mellom han og broren Nils. Adam fekk skj i 1824 for 239 spd. I 1823 bygde han dei husa som ennå står der. Uthusa var bygd i 1800. Det

er også stabbur. Selde frå Nyhaven i 1826 for 200 spd. 1853: Anne Pedersdr, enke etter Adam Olsen, får uskifteløyve. 1855: Anne Pedersdr sel til sonen Andreas Adamsen for 600 spd. Til bruket som hadde gl skyld  $5\frac{1}{8}$  ksk etter at Nyhaven  $\frac{3}{4}$  ksk var seld, høyrde og  $1\frac{1}{2}$  ksk i V. Skiftenes, tilsaman  $6\frac{5}{8}$  ksk. I 1862 blei fråseld bnr 8 av skyld  $\frac{5}{8}$  ksk til svogeren Svend Kristiansen for 150 spd. Svend var gm søster til Andreas. I 1892 blei Reve-dalen fråseld for 160 kr. I 1893 selde Andreas frå Fidja bnr 25 av skyld 4 øre, og same året Øygaren (Øygardsmyra) for 400 kr. Restskyld mk 3.44.

1908: Auksjonsskj til Ole O. Torp og Gunder O. Imenes for 2480 kr. 1910: Odelsskj til Anton Berulvsen Lien for 9400 kr. Berulv, far til Anton, var bror til Andreas Adamsen. Berulv flytta til Fjære i 1862. Anton f der 1866. I 1947 fråseld bnr 40 Bjørklund av skyld 4 øre. 1955: Håkon Berulvsen, son til Anton, får skj på bnr 2 og 3 for 24 000 kr.

Andreas Adamsen kjøpte bnr 3 i 1876 for 200 spd. I 1901 fråseld Kvernhusmoen av skyld 2 øre, restskyld mk 0.19. Ole Torp og Gunder Imenes fekk eigedomen ved kjøpet i 1908. Selde i 1911 til Terje T. Hundland for 800 kr. Anton Berulvsen kjøpte eigedomen tilbake i 1925 for 1950 kr. av Terje Hundlands dødsbu.

Garden bnr 2—3 har 21 da dyrka jord og 1200 da produktiv skog. Samla skyld mk 3.59.

På dette bruket fann Anton Berulvsen i 1939 tri halsband av sølv, det eine defekt. Dei var fletta og hekta saman som ein klave. Funnet blei gjort under graving av landdike. Halsbanda var innpakka i never. Funnet er frå kring år 1000, og sølvet er trulig gøynt unna på grunn av krigsferd eller liknande.

*Veggen* bnr 4 var gamal husmannsplass. I 1789 ser me at Nils Andersen på Skiftenes østre fester til Ole Carlsen «en plads under denne gaard Veien kaldet mod aarlig avgift 2 rd». Men hvem som budde her i åra fram-

over, veit me ikkje. Ole Carlsen var i Bomdalen i 1801. Det budde visst 2 jenter på Veggen då, Asbør Isachsdr og Karen Jensdr. Salve Aasulvsen Salvestjønn hadde kjøpt Monen i 1826 av Nils Olsen. I 1834 selde han frå Veggen 1 ksk for 200 spd med hus til Anders Johnsen Haaland. Sætehuset stod på øvre side av storveggen nå og uthuset stod lenger inn mot heia, så gamlevegen gjekk gjennom tunet. Av det kom nok namnet. Veggen blei i 1840 utlagd til enka etter Anders, Gunvor Tellefsdr, for 150 spd. Ho var då 44 år og vigde same året oppatt med Bent Elias Olsen Dalene, som var 20 år yngre. I 1854 sel han så Veggen til Ola Aasulvsen Haugen for 200 spd. Sonen Terje fekk Veggen saman med Haugen i 1862. Svogeren hans, Matias Terjesen Hundland, fekk Veggen til å bygge seg hus på. Han kjøpte sætehusa til Aasulv Risdal og sette dei opp på Veggen i 1885 og han budde der så lenge kona hans Margrete Terjesdr levde. Terje Terjesen budde der før han overtok Haugen i 1922.

1923: Anton Olsen Snømyr kjøper for 10 000 kr. 1928: Gunhild Olsen, enka etter Anton, overtar for 5000 kr. Ho sel eigedomen i 1932 til Augusta Nilsen (Nelson) for 8000 kr. I 1946 blir fråskild bnr 38 Kilebakken og bnr 39 Bjørkheim. Restskyld mk 0.13. Veggen har 3 dekar dyrka mark og 50 dekar produktiv skog.

*Moen* austre bnr 5—6. Ved deling av Skiftesmoen fekk Nils Olsen halve bruket  $5\frac{1}{8}$  ksk. Han selde i 1826 til Salve Aasulvsen Salvestjønn, bror til Ola som sidan kom til Haugen. Kjøpesum 700 spd. I 1833 sel Salve Voreheia som blir utskild med  $\frac{3}{8}$  ksk, til Ole Christensen Tønnesøl. Namn frå utskiftinga: Egedalsbekken, Igletjønn, Busledalsbekken, Haagensmyr. I 1834 sel han så som tidligare nemnt frå Veggen for 200 spd. Same året går bruket  $4\frac{1}{2}$  ksk til auksjon. Ola Aasulvsen Haugen fekk tilslaget for 725 spd. Nils Knudsen som

hadde kjøpt Nyhagen utan hus av Adam Olsen i 1828, får i 1849 kjøp på Monen for 700 spd. Nils var son til Knud Kristensen Bjorhuslia og av den gamle Steinor-ætta på Skiftenes. Ole Kristensen som kom til Nedre Tønnesøl var farbror hans.

1868: Anne Christoffersdr får løyve til å sitte i uskift bu. Året etter blir bruket delt mellom Anne og sonen Knud. Anne får bnr 5 av ny skyld mk 1.27 for 400 spd. Det same gav Knud for bnr 6. Knud døde i 1879. Var gift, men hadde ikkje born. Søster til Knud, Karen Johannæ, var gm Nicolai Nilsen Nærebø i 1857. Han døde same året av tæring. Ei dotter, Nikoline Andrea, fekk garden i 1871 etter faren. I 1880 tok ho si farmor Anne Christoffersdr i follaug og fekk då også bnr 5. Nikoline vigde i 1881 med Peder Pedersen Tørvo't. Nikoline døde i 1903.

1920: Begge bruk utlagd til enke etter Peder Pedersen, Inga Theresie, for 25 000 kr. Ho selde same året til Olve Engenes for 30 000 kr.

1950: Garden går til Torleiv Engenes, son til Anne og Olve Engenes, for 12 000 kr. på nærare fastsette vilkår. I 1952 blei frå bnr 5 skild bnr 43 Nymo av skyld 5 øre. Bnr 5 har då att skyld mk 1.22, bnr 6 mk 1.25. Bruket har 37 dekar dyrka jord og 400 dekar produktiv skog. Sætehus i  $1\frac{1}{2}$  høgd bygd i 1850, modernisert 1946. Uthus 1890.

*Nyhagen* bnr 7. I 1791 festa Ole Nilsen på Skiftenesmonen til Gunder Jakobsen og kona på livstid «en under d. g. liggende plads Nye-have kaldet med aarlig avgift 2 rd». Gunder budde der i 1801 og var då 40 år, kona Marthe Larsdr 56 år. Ho døde i 1804. Veit ikkje om det sidan budde folk der, men då Nils Knudsen kjøpte Nyhagen i 1826 av Adam Olsen for 200 spd var det utan hus. Det er opplyst at husa der er bygd i 1820. Og i 1826 ved skyldsettinga er det opplyst at det er «fornødne husebygninger» på plassen. Namn frå utskif-

tinga: Domemyr, Reimaasmyr. Då Nils Knudsen hadde kjøpt Monen, selde han Nyhagen i 1851 til Nils Andersen Kroken for 400 spd. I 1863 kjøpte Knud Knudsen Fladen eige-  
domen, men Knud Andersen kjøpte att i 1865 for 300 spd. I 1869 selde han til Lars Kristensen og fekk då 800 spd. Lars var frå Holte i Birkenes f 1839 og gm Gunhild Marie, yngste dotter til Salve Aasulsen Monen.<sup>7</sup> Han var tømmermann. Eldste dotter til Lars, Mina Hauge, som var gm trelasthandlar Kristen Hauge i Birkenes, fekk utlagd Nyhagen i 1923 for 4400 kr. Tomine Hauge skj i 1934 over til si søsterdotter Terese Terjesen (Haugen) for 5500 kr. I 1953 blei fråskild bnr 45 Skogly av skyld 5 øre. Restskyld mk 0.46. Til Nyhagen er 14 dekar dyrka mark og 160 dekar produktiv skog.

*Haugen* bnr 8. Andreas Adamsen selde som nemnt eit stykke i 1862 til sin svoger Svend Kristiansen Stømne for 150 spd. Han dreiv som sagmester og bygde nok då på Skiftenes. Huset blei påbygd i 1924. I 1893 blei fråskild Haven bnr 24 av skyld 2 øre. Svend heldt att Haven, men selde bnr 8 av skyld mk 0.26 til Klas Andersen for 2000 kr. Eige-  
domen gjekk i 1923 til Anders Andersen for 5000 kr. Johanne Kladtr blei gm Hans P. Skiftenes (Rynningen). Kaare Rynningen fekk bnr 8 i 1940 for 6000 kr. Skiftenes automatkjøsk fråskild 1956 (bnr 47). Restskyld mk 0.25. Bnr 8 har 8 dekar dyrka mark og 50 dekar produktiv skog.

*Haugen* bnr 10. Me har tidligare nemnt at Tellef Pedersen hadde 9 ksk i Austre Skiftenes som han i 1838 makeskifte med Thor Eilevsen Grøslø. Telleiv var bror til Tomas Hardeberg. Han og Thor var gm hver si søster frå Stalleland. Telleiv flytta til Grøslø, men Thor selde same året til Ola Aasulvsen Haugen, som var gm Gjertrud Terjesdtr Stalleland, søskenbarnet hans. Også Thor og Ola var såleis svograr. Det Ola kjøpte var eit bruk av *Garden*,

men Ola bygde nye hus på bruket og flytta dei då nærare Haugen . . . so me sidan hev kalla det Haugen, fortel Kr. Stalleland i sine ætteoppskrifter.

Etter opplysing annan stad er husa på bnr 10 bygd i 1864. Men sonen Aasulv overtok *Garden* alt i 1854 for 800 spd, så det var vel han som bygde. Det som Ola Aasulvsen hadde var  $7\frac{3}{4}$  ksk i *Garden* og  $1\frac{1}{4}$  ksk i *Snømyr*. Terje Olsen Gurebu hadde som nemnt kjøpt *Snømyr*  $1\frac{3}{4}$  ksk i 1827, men først i 1865 er det skyldsetting. I 1890 blir så dei to bruk slått saman til bnr 10 nå. Same året blir fråseld bnr 22 Halvorsviga av skyld 26 øre som sagmeister Gunleif Jensen kjøpte for 1000 kr. Jens Øvensen Øygarden fekk kjøp på Ormeheia bnr 27 skyld 4 øre i 1893 for 240 kr. I 1896 gjekk så bruket over til Johannes Aasulvsen for 5975 kr. I 1902 selde han frå bnr 34 Kilebakken av skyld 1 øre til Thora Olsen for 1250 kr. I 1947 skilde han ut Sørbeekliene av skyld 29 øre og skj så i 1948 over bruket til sonen Aasulv Johannesen Haugen for 21 000 kr. på nærare fastsette vilkår. Same året blei fråskild bnr 42 Kilebakkhagen, som Johannes overtok for 300 kr. Bnr 10 har då restskyld mk 3.47.

Johannes dreiv garden sers godt, seier Kr. Stalleland, og han dreiv med båtbygging som au faren gjorde. Om Terje, bror til Aasulv, som overtok Haugen etter far sin i 1862 skriv han: Terje var ein drivande mann både i gardsbruket og i båtbygging. Han sat godt i det.

Bnr 10 har 22 dekar dyrka jord og 1000 dekar produktiv skog.

*Snømyr* bnr 11 var plass under Skiftenes. Det er tidligare nemnt at Ole Andersen Skiftenes sette seg ned der då han laut gå frå Skiftenes ikring 1760. Men det var ikkje lenge han var der. Sonen Torjus fekk tak i noe av farsgarden. I 1766 bur Ole og Hans Svendsen



og Guri Hansdtr på Snømyr. I 1773 døde Gunnild Hansdtr Snemyhr, 85 år gl. I 1780 vigjer Peder Carlsen Snemyhr med Gjertrud Isachsdtr Skiftenes. Peder døde i 1782, bare 30 år gl. Ei dotter Ane døde i 1788. Peder Jacobsen Snemyr og Ane Halvorsdtr har i 1787 dottera Maren til dåpen. Som fadder er nemnt Aanon Carlsen Snemyr. I 1793 dotter Ingebor. Peder må vere den same som Peder Jacobsen Fjellemoen som i 1780 kjøpte 3 ksk i A. Skiftenes for 230 rd. Han selde i 1794 til Hans Nilsen Koksnes for 275 rd. I 1799 kjøpte så Ole Christensen Bjorhuslia for 315 rd. Han er på Snømyr i 1801, 32 år, ugift husmann og båtbyggjar, heiter det. Peder Jacobsen Asdal får dei 3 ksk i 1800 for 315 rd, men Ole kjøper att for 555 rd, så Peder eller kona hadde vel odel til dette. Ole vigde i 1807 med Gunnil Olsdtr Tønnesøl. Er på Snømyr i 1815. Noen år etter kjøpte han Nedre Tønnesøl.

Som tidligare nemnt hadde Tellef Pedersen denne eigedomen frå 1819. I 1821 måtte Anstein Aanonsen gå frå Garden. Tellef kom dit og Anstein til Snømyr. Men han måtte nok selje dei 1 $\frac{3}{4}$  ksk han hadde fått då han make-skifte med Tellef og sat sidan som husmann. Sidan 1827 har så Snømyr høyrd til eigarane av Gurebu, men blei som tidligare nemnt først skild ut i 1865. Anstein blei buande på Snømyr og døde der i 1838. Ein av sønene, Anders, som hadde gifta seg i 1827, fann dei død på Søndle ein januardag i 1832. Ein eldre bror, Aanon Ansteinsen, budde og på Snømyr. Aanon fann dei ihelfrossen ein novemberdag i 1861 på vegen mellom Imenes og Skiftenes. Aanon hadde 12 born og dei tok nok alle ut. Ein av sønene, Ole, drukna ved Grimstad brygger i 1880. Han dreiv som sjauar. Dei som ikkje tok ut tidligare budde visst på Snømyr til ikring 1870.


Det er ikkje folk på Snømyr i 1875. I 1885 bygsler Bernt Olsen Skiftenes for 10 år og

årlig avgift 100 kr. Bernt overtok i 1895 halvparten av farens bruk i Skiftenes.

*Bnr 12* gjekk ut frå Bomdalen i 1870. Bent Aagesen Holte fekk skj i 1883 for 200 kr. Enka hans, Asgjerd, selde i 1899 til Gustav Svendsen Gurebu for 1200 kr. Ho selde til Kristen Bentsen Bomdalen i 1907. Frå denne eigedom er gått ut bnr 43 Straumpes, der Nils Johan Igland bygde sitt sagbruk i 1943.

*Øygarden bnr 13* var husmannsplass under Austre Skiftenes. Aanon Olsen, ein bror av Peder Olsen Skiftenes, vigde i 1708 med Ingeborg Olsdtr Tønnesøl, som var halvsøster til Anders Olsen Skiftenes. Dei fekk plassen Øygarden. Aanon døde i 1728. Dei sat nok godt i det. Ved sk var det netto 55 rd. Dei hadde 2 døtre, Kirsten og Ane. Ane vigde med Carl Olsen frå plassen Geidaasen under Landvig. (Giedderaasen.) Carl døde i 1761. Også dei sat bra i det. Ved sk var det netto 73 rd. Ane budde nok der med borna til Øygarden i 1776 blei seld til Frolands Verk.

Anders Nilsen Gurebu hadde kjøpt eit bruk i Skiftenes og det var han som selde  $\frac{3}{4}$  av plassen for 150 rd. Her budde så hammer-smed Adam Bruun, ein svenske som var komen til Gurebu for å stå for drifta av stangjernhamaren der. Ane Aanonsdtr flytta til Snømyr til sin nesteldste son Peder som sat som husmann der ei tid. Den eldste sonen Ole var det som kom til Vegen i 1789. Adam Madsen Bruun døde i 1785 — 75 år gl. Kona hans heitte Anne Giølsdtr. Dei hadde ein son Martin som var 25 år og 4 døtre: Stine gm Hans Andersen Skare, Anniche gm Jacob Jensen Gurreboe, hammersmed der, Birthe gm Ole Nilsen Skiftenes, og Maria gm Nils Svennichsen Gurreboe. Ved sk var det netto 112 rd. Av dette var vel 76 rd tilgodeh. på Froland Verk. Men verket hadde eit motkrav på heile 1288 rd! Verket hadde halde oppteljing på Gurebu og dei hadde funne at det vanta store mengder



Bnr 15 — Leif Skiftenes.

jern og kol. Kravet blei vist til retten, då enka nekta at det var rett, og buet blei delt utan omsyn til kravet. Dei hadde m. a. 2 kyr. Av bøker var det 1 bibel og ein svensk huspostille.

I 1799 kjøpte Terkel Olsen Helleland  $\frac{3}{4}$  i Øygarden av justisråd Smith på Frolands Verk for 150 rd. Terkel kom til Gurebu og kjøpte resten av Øygarden av Ole Nilsen Skiftenes i 1801 for 50 rd. Øygarden høyrde så under Gurebu til Toralf Gurebo selde til Arnold Rikard Nilsen (Nesset) i 1932 for 1500 kr.

Anne Gjølsdtr budde nok på Øygarden ei tid etter mannen var død. Men me kan ikkje sjå at det var folk der i 1801. Og me veit ingenting om det var folk som budde der i tida framover.

Sagmester Gunleif Jensen bygsla Øygarden i 1885 for 10 år med årlig avgift 100 kr. I 1932 gjekk bruket med skyld mk 0.54 over til Arnold Rikard Nilsen. Broren Nils A. Nilsen overtok i 1946 for 2500 kr. Han selde i 1952 frå bnr 44 Livollen av skyld 4 øre til svogeren Ingvald Larsen, som også har Øygardsmyra bnr 26.

Stølen bnr 14. Skiftenesstølen var opphavlig plass under Skiftenes, men blei tidlig skyldsett som me har set, og det var folk av den gamle Steinor-ætta som sat der. Terkel Johnsen Dolholt vigde i 1802 med Ane Andersdtr Skiftenes og fekk med henne noe seinare eit bruk i

Skiftenes og Skiftenesstølen. I 1833 selde han Stølen av skyld 3 ksk til sonen John Terkelsen for 100 spd. N. Igland skriv: Han (John) har gjort Stølen fra en almindelig husmandsplass til en anseelig eiendom, meget veldyrket og godt bebygget.

John er 1875 oppført som gaardbruger, selv-eier og skibsreder. Eldste sonen, Jens, var båtbygger. Det var også Terkel, den nesteldste, Jørgen Gunelius og Anton styrmenn, sidan blei dei skipsførarar og flytta til Fjære. Ein annan av sønene, Peder Johan, var skipper alt i 1875 og på reis til Amerika, bare 30 år gl. Han kom til Frivoll i Fjære.

På Stølen hadde dei i 1875 hest, 3 kyr, 1 ungdyr og 9 sauer. Sådde  $\frac{1}{4}$  tn kveite,  $\frac{3}{4}$  tn bygg, 1 tn havre, 8 skålp. grasfræ og sette 4 tn poteter.

John bygde nye sætehus i 1835 og uthus 1866. Sætehuset er på 2 høgder.

Jens overtok i 1887 for 2000 kr. I 1919 gjekk garden over til Nils J. Stølen, son til Jens, for 12 000 kr. Stølen som har eit areal på 225 dekar har skyld mk 1.73.

\*

Bnr 15 er slått saman av ikkje mindre enn 6 gamle lnr med gamal skyld på vel 11 ksk. Johannes Engelsen overtok farens bruk i 1840:  $3\frac{1}{2}$  ksk i V. Skiftenes med hus,  $\frac{3}{8}$  i Grøslø sag,  $\frac{1}{12}$  i Holdals sag og  $\frac{1}{2}$  i Skiftenes kvern for 262 spd. Vidare overtok han  $1\frac{6}{16}$  ksk for 98 spd. Terkel Johnsen delte sin eige-dom i 1846 og Johannes kjøpte  $3\frac{1}{8}$  ksk i 1847 for 500 spd. I 1846 blei og utskild dei nemnde  $1\frac{5}{16}$  ksk då resten av Stener Christensens bruk blei delt mellom Johannes Engelsen og Osmund Arnesen. I 1851 blir så Osmund Arnesens gard delt og Johannes Engelsen overtar omlag halvparten 4 ort 12 sk. Og skyldet på eige- domen hans kjem då opp i 3 dl 14 sk, eller vel 11 ksk gl skyld, som tidligare nemnt.

Nils Igland som var gm dotter til Johannes, skriv m. a.: «... Johannes Engelsen samlede ved flere indkjøb en passende stor eiendom paa Skiftenæs. Han var en stærk og ivrig skogdriver, men værnedede alligevel om sin skog saa der nu av sønnen ved udløsningen blev solgt furre og granskov 9 t. 12 fot for 15 600 kr. fremdrevet til Roresanden. Johannes kostede alle huse av nytt og fremdrog en stor barneflok.»

Sonen som overtok var Elias i 1892. Han budde då på Taule og gav 18 000 kr. for fars-garden. I 1930 overtok yngste son, Leif Skiftenes, for 65 250 kr.

Bruket har 2-høgda sætehus bygd 1869, ombygd i 1929 og modernisert i 1940. Det er stabbur og badstu på garden som har 33 dekar dyrka mark og 700 dekar produktiv skog. Her er den beste eikeskog som finst på Agder, seier fagfolk.

\*

*Bnr 16.* Terkel Johnsen selde halvparten av sin eigedom i 1847 til Johannes Engelsen. Den andre halvparten  $3\frac{1}{8}$  ksk fekk Ole Olsen Hundland kjøp på for 512 spd. Terkel flytta til sonen Anders som hadde gard på Klepp i Fjære. I 1870 er det attestert at Karen Marie Olsdtr, einaste arving etter Ole Olsen er gm Christian Johnsen. Han gir skj til Ole Andersen på  $3\frac{1}{8}$  ksk eller 4 ort 9 sk for 515 spd. Ole Andersen var son til Anders Guttormsen Bomdalen og av den gamle Steinor-ætta. Han var med på delinga av Osmund Arnesens bruk i 1851 og fekk der 3 ort 8 sk, og hadde då ved det siste kjøp tilsaman  $5\frac{5}{8}$  ksk etter gamalt skyld, ny skyld mk 3.04. I 1895 blei bruket delt mellom sønene Bernt Olsen og Terje Olsen, hvert bruk med skyld mk 1.52. Terje fekk bnr 28 Vestergard. Bnr 16 gjekk i 1943 over til John Terjesen Vestergård for 13 000 kr. Kari Eide kjøpte av Grimstad Sparebank i 1953 for 10 800 kr.

*Kvernbhusmoen bnr 17.* Osmund Arnesen festa i 1838 plassen «Quærnemoen» med Urdalsmyr til broren Johannes som betalte 42 spd i innfesting og dertil årlig avgift. I 1851 er det Anders Stenersen som har festa plassen som då blir utskild med skyld 12 sk eller mk 0.17. Johannes fekk Vestermonen. Plassen var gått til auksjon i 1842 og kjøpmann Voss fekk tilslaget for 155 spd. Han selde i 1844 til Engel Stenersen for 200 spd. Engel selde til broren Anders i 1849 og reiste til Amerika. Anders selde i 1853 til John Andersen Grøm for 100 spd og flytta til ein plass under Landvig der han døde i 1875. Han var son til Stener Christensen Skiftenes som det gjekk ut for. Erik Kittelsen kjøpte i 1857 for 300 spd. Erik Kittelsen var f på Hurv i Froland i 1813. Flytta til Skiftenes i 1851. Hadde før vore på Gusdal og Mollandskjær. Ein son Erik f 1844. Erik Kittelsen, soneson til Erik Kittelsen som kjøpte bruket, fekk heimelsbrev for 1360 kr. ved skifte i 1903, men seinare på året fekk Halvor Kittelsen det for 1700 kr. 1920 seld til Hagbart Torgrimsen for 8000 kr. 1925 kjøper Harry Nilsen for same sum. 1928: Olaf Nilsen Solheim 6200 kr. 1939 overtar Hans S. Helleland for 3700 kr. Han sel i 1946 til sjåfør Anders Risbruna for 12 000 kr.

Bruket har 13 dekar dyrka mark og 6 dekar skog.

*Vestermoen bnr 18.* I 1843 gav Osmund Arnesen festebrev til broren Johannes og kona Maren Hansdtr på jordstykket Vestre Moen. I 1855 gjekk Osmund Arnesens bruk til auksjon og plassen Vestermoen strauk med. F. G. Voss i Grimstad fekk skj i 1861 for 40 spd. Husa hadde Johannes pantsett i 1844 for 50 spd. Johannes fekk kjøpe att i 1866 av kjøpmann Voss, men laut då gje 130 spd. Same året overtok sonen Hans Johannesen. Son til han, Johannes Hansen Vestermoen, kjøpte i 1899 bnr 3 av skyld 4 øre for 550 kr. av Arne

Olsen. I 1903 kjøpte han eit større skogstykk for 3500 kr. Dette skogstykket bnr 31 hadde Arne Olsen seld til spekulanten C. B. Evensen i 1899 for 4250 kr. Johannes selde frå Refsnæsstykket bnr 35 av skyld mk 0.48. Bnr 31 har då att skyld mk 1.52. Bnr 18 har skyld 10 øre.

Johannes bygde nye sætehus i 1926. Han døde i 1945. I 1953 overtok sonen Sverre Westermoen for 20 160 kr.

Eigedomen har 20 dekar dyrka mark og 300 dekar produktiv skog.

\*

*Bnr 19.* Dette bruket er blitt mykje oppstykket. Ved sk etter Anne Osmundsdtr overtok enkemannen Arne Olsen 1 hud 1 $\frac{7}{8}$  ksk for 1153 spd. I 1833 selde han halve eigedomen til Ole Nilsen Iglan for 685 spd og garden blei då delt. Ole Arnesen overtok etter faren i 1842 for 600 spd. Arne Olsen overtok etter sine foreldre i 1874. Han selde frå mange småstykker av eigedomen. I 1876 eit stykke til Andreas Adamsen, i 79 til Terje Tellefsen, og hadde då att vel 6 ksk etter gamalt skyld eller ev. mk 3.71. I 1889 selde han eit stykke skog til uthogst i 4 år for 1200 kr. I 1899 blei fråskild bnr 29 Urdalen av skyld 3 øre. Dette kjøpte Peder Hansen Rønningen for 400 kr. Johannes Hansen Vestermoen kjøpte bnr 30 Vestermoen av skyld 4 øre for 550 kr. Konsul Evensen eit skogstykke bnr 31 som tidlegare nemnt av skyld mk 2.00, og Tellef T. Grøslø bnr 32, eit skogstykke for 1050 kr. Bnr 19 fekk då att skyld mk 1.00. I 1905 selde han så dette til Johannes og Terje Olsen (sjå bnr 16) for 3000 kr. Terje og Johannes delte så eigedomen. Terje fekk bnr 19, Johannes bnr 36, men Terje kjøpte dette av broren i 1913 for 1500 kr. Terje hadde også bnr 28 som var gått ut frå bnr 16. I 1949 fekk Terje Terjesen bnr 19 og 28 etter Terje og Amalie Olsen. Sjå

bnr 28. Bnr 36 blei i 1926 seld av Tora Olsen til Hagbart Torgrimsen for 10 000 kr. Bnr 19 har skyld mk 0.50.

*Rynningen* bnr 20. Det var dette bruket Ole Nilsen kjøpte av Arne Olsen (bnr 19) i 1833 for 685 spd. I 1846 er det Salve Nilsen Helleland som har eigedomen som då blir delt mellom brørne Jakob og Lave Olsson. Dei var frå Liene. Lave fekk bnr 20 som var  $\frac{2}{3}$  av det gamle halve bruk, Jakob fekk bnr 21. Lave som var gm Gunhild Terkelsdtr Haugebu fekk skj i 1849 for 400 spd. Lave døde same året, bare 31 år gl. Gunhild sat så med eigedomen. I 1850 vigde ho oppatt med Hans Pedersen som var komen frå Tørvolt i Fjære.<sup>8</sup> Hans gjekk gjennom isen på Rore og bleiv der i mars 1869. Gunhild sat då enke for andre gong. I 1878 skifte ho med borna. Sonen Peder H. Skiftenes overtok i 1882 for 6400 kr. I 1911 overtok så Hans P. Skiftenes og fekk skj i 1921 på eigedomen og bnr 29 Urdalen for 10 000 kr. Bnr 20 har skyld mk 2.69.

Bruket har 33 dekar dyrka mark og 350 dekar produktiv skog. Sætehus bygd i 1835. Det må såleis vere Ole Nilsen som bygde då han hadde kjøpt halve garden av Arne Olsen. Uthus frå same år og stolphus.

*Bnr 21.* Jakob Olsen Liene (sjå bnr 20) fekk skj i 1849 for 200 spd. Det siste som er tinglest om denne eigedomen er frå 1889. Då får Jakob Olsen heimelsbrev på denne eigedom m.v. etter foreldra Ole Jakobsen og Elise Marie Thomasdtr. Skyld mk 1.45.

*Halvorsviga* bnr 22 var plass under Haugen. Ein Erich Larsen feste plassen av Peder Jacobsen i 1785. Det var ein svenske som trulig var komen til Gurebu for å arbeide ved stangjernhamaren der. Og det kan høve med tida, for i 1770, det var på den tida Frolands Verk gjekk i gang med drift på Gurebu, ser me at Erich Larsen vigjer med Guri Olsdtr Skiftenes. Ho var dotter av Ole Svendsen f 1723

og d i 1793. I 1792 budde Erich og kona og ei tenestjente i Halvorsvig. Dei sådde  $\frac{1}{8}$  tn rug og 1 tn bygg. Guri døde i 1793. Året etter vigde Erich med Aase Nilsdtr Haaland, søster til Ole Nilsen på Skiftenesmonen. Erich og kona bleiv 25. august 1802 «med en pram lastet med løv fra Toulelandet». Ved skiftet blir det opplyst at Erich skulle vere frå Sve-riker. Slektninger visste dei ikkje om. Buet blei registrert for 102 rd, men seld ved auksjon for 174 rd. Men det var gjeld på 112 rd, så nettoen blei bare 38 rd.

Dei hadde 1 ku, 8 sauer og 5 geiter. På plassen var det ei stove verdsett for 12 rd. Løe, låve og fehus blei sett i same sumen, stolphus, badstove og vedskjol i 6 rd ved registreringa.

Me veit ikkje om det budde folk i Halvorsviga i åra utover. Når det bare står Skiftenes-eie i kyrkjeboka og det er så mange plassar som på Skiftenes, er det uråd å stadfeste dei fleste. I 1875 bur Ole Halvorsen og kona Marthe Larsdtr der. Ei dotter, Gusta Margrethe f 1859, var heime. Fire søner var sjømenn. Halvor f 1838, matros, Lars f 1843, styrmann. Begge hadde rømt i New York. Anton Olaus f 47 som au var styrmann, var i Belgia, og Nicolai f 57 på reis til Amerika som matros. Dei fødte då 5 sauer på plassen, sådde 1 notting kveite og sette  $1\frac{1}{2}$  tn poteter.

I 1890 kjøpte Gunleif Jensen Halvorsviga for 1000 kr. Blei utskild frå bnr 10 Haugen med skyld mk 0.26. Han selde i 1905 til Kristian Nilsen Neset for 3000 kr. I 1928 testamenterte Kristian og kona eigedomen til Jonn A. Nilsen.

*Revedalen* bnr 23 var plass under Garen. Det var trulig Terkel Nilsen som rудde der. Han hadde vore ei tid på Haugebu, men kom til Skiftenes ikring 1845. Ei dotter Guri f 1846, Tomine 51, Gunhild Gurine 54, Tønnes Anton 56. Terkel var f i Bjelland i 1805. Kona hans, Ragnhild Terkelsdtr, i Vegusdal i



*Frå Skiftenes til San Francisco har denne båten tatt vegen. Oslojolle bygd av Sverre Westermoen 1960 og her fotografert utanfor Kaliforniakysten.*

1820. Ein son Ole f på Ås i Vegusdal reiste til Fjære i 1868. Berthe Gurine som var 25 år då, vigde i 1869 med Ole Knudsen Løvdal frå Holum. Han var på sjøen i 1875, men Berte Gurine med tri born budde i Revedalen hos foreldra. Der var au Tønnes Anton, som var snekker. Dei hadde ingen husdyr på plassen, men sette  $1\frac{1}{2}$  tn poteter. Terkel bygde nye hus i 1885 og fekk i 1890 kjøp på plassen av Andreas Adamsen for 160 kr.

Då Terkel var død selde Ragnhild i 1899 til John Halvorsen Borkedal for 1000 kr. Han selde i 1917 til Olga Henriksen Revedalen for 2400 kr. Henrik Henningsen overtok i

1921 for 3500 kr. Til Revedalen høyrer 3—4 dekar dyrka mark. Skyld mk 0.10.

*Haven* bnr 24 gjekk ut frå bnr 8 i 1892. Svend Kristiansen held att denne eigedomen då han selde bnr 8. Dottera Alida gm Helmer Olaus Haaversen fekk sidan Haven. Fredheim bnr 46 blei skild ut i 1953. Skiftenes forsamlingshus kjøpte for 650 kr. av Gunder Kittelsen.

*Øygardsmyra* bnr 26 kjøpte Jens Øvensen av Andreas Adamsen i 1893 for 400 kr. I 1875 står elles Øygarden som plass under Mønen lnr 170 d, men plassen må vel eigentleg ha høyrte under Garen lnr 170 a, sidan det var Andreas Adamsen som selde. Det er opplyst at husa på Øygardsmyra er bygd 1830, påbygd 1951. Trulig er det då Øven Jensen som bygde der. Han var f i 1789 i Øyestad og gm Ragnhild Gulbrandsdtr som døde på Skiftenes i 1864 — 65 år gl. Dei var på Aagre i 1826. Ei dotter, Maren, f der då. Ho vigde i 1858 med Sven Guttormsen Gusdal. Anne Gurine f på Aagre 1823 vigde i 1841 med Nils Samuelson Næsset. Sonen Jens Øvensen var f i Fjære i 1829. Ei dotter, Karen Marie, f i Fjære 1821 g 1846 med Ole Olsen Fillingtveit.

Jens var gm Nikoline Andersdtr Tømmermyr f i Fjære 1840. Han er skipstømmermann i 1875. Nikoline og Jens hadde 8 søner: Anders f 61 g 88 med Rine Matilde Aanonsdtr Berge, Øven f 64 til U.S.A., Terje 65, tømmermann g 94 med Jensine Kristine Johannesdtr Gusdal. Til Sandkjær.<sup>9</sup> Andreas 68, Reinert 71—86, Karl 74 båtbyggjar, g 97 med Hanne Bergitte Hansen frå Øyestad. Til Risbruna. Nils 77, sjømann, g 1901 med Anne Matea Zakariasdtr frå Lyngdal. Til Krogen, Fjære. Anton 81.

Jens kjøpte også bnr 27 Ormeheia av Aasulv Olsen i 1893 for 240 kr. Øygardsmyra gjekk i 1926 over til Anders Jensen Klingremoer for 2400 kr. og Ormeheia for 1000 kr. Inga Pedersen kjøpte Øygardsmyra i 1921 for 6000 kr. I 1942 fekk Arnold Rikard Nilsen Neset eige-

domen for 2500 kr. I 1946 gjekk så eigedomen over til Ingvald Larsen gm Ester Neset. Oldemor hennar var Anne Gurine, dotter til Øven Jensen som bygde på Øygardsmyra. Til bruket høyrer 5 dekar dyrka mark.

Ormeheia er gått over til arvingane etter Anders Jensen og kona Rine Matilde.

*Vestergard* bnr 28. I 1895 delte brørne Bernt og Terje Olsen bnr 16. Terje fekk bnr 28 Vestergard for 2600 kr., utan part i husa. I 1949 gjekk bnr 28 og 19 (sjå dette) over til Terje Terjesen for 20 000 kr. Terje er sone-sonson til Ole Andersen som kjøpte bnr 16 og såleis av den gamle Steinor-ætta på Skiftenes. Vestergard har 28 dekar dyrka mark og 350 dekar produktiv skog. Sætehus bygd 1915, uthus 1922.

*Kilebakken* bnr 34 blei seld av Johannes Aasulvsen (bnr 10) til Tora Olsen i 1902 for 1250 kr. Ho selde i 1916 til Jens Larsen for 3000 kr. Einar Hørte kjøpte i 1940 for 4200 kr. og selde i 1953 til landhandlar Gunhild Holmen for 12 500 kr. Husa er bygd i 1885.

*Vestergard* bnr 36. Bnr 19 blei som nemnt i 1906 delt mellom brørne Terje og Johannes Olsen. Johannes fekk bnr 36. Tora Olsen selde bruket som har skyld mk 0.50 til Hagbart Torgrimsen i 1926 for 10 000 kr. Bruket har 12 dekar dyrka mark. Sætehus bygd 1900.

*Kilekleiva*. Husa der er bygd i 1860. Eigar Torborg Haugen.

*Bjørkheim* bnr 39 kjøpte sjåfør Hans O. Helleland frå bnr 4 i 1947 for 850 kr. Bygde hus same år.

*Nymo* bnr 43. Sjåfør Einar Hørte kjøpte 5 dekar av Olve Engenes (bnr 5) i 1952 for 2800 kr. Bygde der i 1953.

#### NEDLAGDE Plassar

I 1766 budde Jon Baardsen og kona Torbor Olsdtr i *Busledalen*. Me veit ikkje større om denne plassen. Det var ikkje folk der i 1801.

I 1815 selde Anstein Aanonsen Busledalen til Nils Torjusen Skiftenes.

I 1789 fekk Ole Christoffersen feste på ein plass under Austre Skiftenes «*Gangdalen* kallet». Det er einaste gong me har funne namnet. Ole var gm Guri Nilsdtr. Dei hadde ei dotter Kirsten i 1780. Sidan høyrer me ikkje meir om dei eller om folk på denne plassen.

*Suggelia* var ein nyare plass under V. Skiftenes. I 1850 feste Ole Arnesen plassen (Sundsbakken) til Christen Johnsen og kona Karen Olsdtr, bygselsum 30 spd og årlig avgift 2½ spd. Dei hadde tri døtre: Oline Marie f 47, Johanne 50 og Tomine 56, d.s.å. Christen var f i Konsmo i 1820, Karen i Birkenes 1810. I 1870 døde enkemann Ole Olsen Suggelien — 89 år gl.

Christen og kona budde i Suggelia i 1875. Dei hadde 1 ku, sådde ein notting kveite og sette 2½ tn poteter. Det budde ein Olof Hansson og kona med tri born i same huset. Olof var murar og vegarbeidar f i Sverige 1847. Karen Olsdtr døde av tæring i 1878. Og me høyrer ikkje meir om folka der. Men det var folk som budde der fram på 1900-talet.

Det var ein plass til i Suggelia. Osmund Arnesen som laut gå frå garden sin på Skiftenes festa plassen av broren Ole i 1855. Han skulle betale 1 spd dei første 5 år, sidan 2 spd. I 1876 gir Arne Olsen festesetel til Øven Andreas Osmundsen og kona «paa Osmund Arnesens forrige plads», årlig avgift 10 kr. Osmund var død i 1875. Øven Andreas og søstera Ane Johanne budde der då. Dei hadde 1 ku og 1 sau, sådde ½ tn bygg og sette 2½ tn poteter. Veit ikkje hvor lenge Øven Andreas budde der eller når plassen blei nedlagd.

#### *Sagbruksdrift på Skiftenes.*

Me veit at ei av dei første sager i bygdene her var på Gurebu. På Skiftenes er au sagbruksdrifta gamal. I 1610 betalar Skiftenes

saug 2 rd i skatt for 100 «deler». I 1614 heiter det at saga er bygd oppatt. I 1631 betalar dei 2 dl for «fossen», i 1632: 1½ dl =  $\frac{1}{10}$  av skaarne deler, seinare år 2 dl. Denne saga var trulig under Austre Skiftenes. I 1715 møter Torjus Ansteinsen V. Skiftenes på Bringsverd ting der han «paa egne og andre bønder og interessenters veigne tilkiendegav at de agtet at gjøre allerunderdanigst hos deris Kgl. Maj. om dennem allernaadigst maatte være bevilget at opbygge en liden flomsaug paa hans egen tilhørende eiendel og gaard ved forn. Vester Skiftenes, hvorudi Hans Maj. eller kirken eller præstebolet i ingen maade anpart tilhører, og at de allernaadigst maatte bevilges derpaa aarligen at skere 1000 bord, hvortil saugtømmeret av deres egne skauger udvirkes». Han spør om saga kan bli noen til skade «samt om saadan saug ikke nødvendigvis fornødiges paa det almuen nest derved til sine husers fornødenhed kunde erlange behørende bord, foruden og at saugtømmeret kand udbringes til det dobbelt i pris . . . hvortil tilstedeværende almue svarede at denne saugs optagelse var ikke nogen til skade, men heller til fordel i henseende skouene, og lasten ved skiørsel kunde udbringes i bedre pris end nu i disse tider skeer, og nu hver da kunde erlange behørige boer til deres husers fornødenhed, og i saa maade minasere paa deres skauer». Torjus fekk tingsvitne på dette. Me veit ikkje hossen det gjekk med søknaden, men ved sk etter Torjus Ansteinsen i 1739 eig han m. a. av «saugredskab»:  $\frac{3}{10}$  dehleparter udi saugredskab til Grøse saug, verdsett til 4½ rd. Vidare eig han: ½ part udi saugredskab til Holdals saug, verdsett til 1½ rd.

I 1792 søker Anders Torjusen, Jon Torjusen, Aanon Ansteinsen, Ole Nielsen og Peder Jacobsen Skiftenes om å få bygge ei sag i Krogbekken på Austre Skiftenes med rett til å skjere 200 utskipingsbord til året. Dei fekk

dette løyvet 1793. I 1811 fekk Ole Nielsen m. fl. på ny løyve til å skjere utskipingsbord i 10 år på denne saga. I 1816 heiter det om saga: Maadeligt fald, ikkuns vand i flomtiden foraar og høst. Skurkvantumet blir sett til 8 tylfter 12 fots 10 toms. Same dag er det «sagskyn» på V. Skiftenes sag, som au blei privilegert i 1811. Saga er «paa østre side av Holdalsbækken, ringe fald, ikkuns flomvand». Her blir skurkvantum sett til 10 tylfter. I 1832 finn me i tingboka denne «sauganmeldelse»: Ole Christensen Tønnesøl af Landvig sogn mødte og anmeldte: at han tillige med følgende mænd: Arne Olsen, Terkild Johnsen, Osmund Arnesen, alle fra Skiftenæs og Halvor Olsen Tønnesøl samt Nils Madsen Hellelands enke Aase Terjesdatter haver opført en nye bygdesaug paa Skiftenæs gaards grund i Landvigs sogn, og agtede derover at afholde lovlig skjønnsforretning. Dette galdt nok Vrangekleiv sag.

Desse spreidde opplysingane frå eit tidsrom over to hundre år syner at sagbruksdrift nok har spela ei stor rolle for folk på Skiftenes. Og i våre dagar blei sagbrukstradisjonen førd vidare i moderne form då Nils Johan Igland bygde sitt sagbruk på Straumnes. Saga ligg laglig til der. Tømmer kan flotast til saga frå Rore og Søndle og køyrast til med bil. Og elektrisiteten gir årgangs kraft . . .

#### *Då kona møtte bjørn på Kilebakken.*

Det er ikkje stort meir enn hundre år sidan dei på Skiftenes kunne møte bjørnen så å seie på tunet. I sine oppteikningar om Salvestjønn-folket har Kr. Stalleland fleire dramatiske skildringar av bjørnejakter på Skiftenes. Det vil føre for langt å ta med alt, men me tar med noe som syner at bjørnen ferdast like inn på husveggene på Skiftenes. Han fortel at Ola Aasulvsen Salvestjønn, han som kom til Haugen i 1830-åra, hadde vore ute i krigen i 1814. Me gir ordet til Stalleland:

Daa Olav Haugen kom fraa ufreden fekk han flintebyrse med bajonet med seg heim. Det var heller mykje bjørn her daa. Kona som budde paa Veggen daa heitte Gunvor. Ho hadde ein gong vore hjaa Olav Haugen

og henta mjølk i ein ambar. Ambar var eit lite kjerald med lok paa og handtak midt paa loket, so ein kunde bera det som eit spann mest. Skulehuset og Kilebakken og Kilekleiva var berre skog daa. Daa Gunvor kom der skulehuset no er, møtte ho bjørnen. Og det saag stygt ut — mest som han vilde setja paa henne. Daa kasta ho heile ambaren paa bjørnen, so loket skvatt av, og bjørnen vart kvit av berre mjølk. Daa slapp ho fraa han.

Gunvor og Jens budde på Veggen. Sætehuset stod på øvre sida av storvegen no, der som me enno ser holet etter kjellaren. Og uthuset stod lenger inn mot heia, so gamlevegen gjekk gjenom tunet midt i millom. Bjørnen var so leid der. Ein dag slo han i hel ein sau tett upp i skogen, men fekk han ikkje med seg. Saueskrotten la dei so inn i eit skjøl i uthuset. Um natti etter hadde bamsen vore inne der og henta sauen. Og no vart bamsen so slid at hjuringen sank kje kyr og sauer meir enn upp vesle kleivi frå fjøset, so kom bjørnen og vilde ha si steik . . .

Stalleland fortel så vidare at kona gjekk til Olav Haugen og klaga seg og so baud han seg til å vera «gjætar». Han skaut bjørnen. Han var ein svær bjørneskyttar og skaut i alt 4 bjørnar. Ogso sonen Aasulv skaut 4 bjørnar. Då han skaut fyrste bjørnen var han bare ein ungdom, fortel Stalleland. Broren Terje skaut 3.

Det Stalleland har fortald, kan me — i alle fall delvis — få stadfest av tingbøkene. I 1830 møter Ole Osuldsen Salveskjen av Landvig sogn og syner fram skinnet av ei binne som han skaut 10. februar i Skiftenes skog. I 1837 møter Ole Osulsen Skiftenes med skinnet av ein hanbjørn som han skaut i Skiftenes skog 10. mai. Det var kanskje denne som hadde vore på Veggen og som Ola skaut, etter det Stalleland fortel. Bjørnen var vel svolten då på vårparten. At Gunvor og Jens budde på Veggen den tid, er rett nok, men Jens (f 1833) var son til Gunvor Tellefsdtr og Anders Jonsen som var komen til Skiftenes noe før 1830 frå Haaland. Anders døde i 1838 og Gunvor vigde som tidligare nemnt oppatt med Bent Elias Olsen Dalene.

Det siste tingsvitne om bjørnefall på Skiftenes eg har notert er frå 1845, då Ola Aasulvsen



melder frå at sonen Terje Olsen skaut ein bjørn på åte i Skiftenes skog 16. mai. Det er nok om dette Stalleland har ei dramatisk skildring. Han fortel elles at det var Ola som skaut bjørnen. Dei hadde lagt ut åte opp under Voreheia. Det var ein skark, dvs. ein gamal hest, dei la ut. Og der låg dei og vakta i fleire netter. Bjørnen vart såra og sette på Olav så han laut verje seg med bajonetten . . . . Olav hopa og stakk til blodet sidraup av kjeften. Og soleis heldt dei paa til dei kom ned mot garden. Daa fælte bjørnen og snudde, seier Stalleland. Men Olav ladde på ny, sette etter bjørnen og skaut han.

Også frå tidligare tid har me fleire meldingar om bjørn som er skoten. Men au skrubb. I 1749 møter såleis Aanon Aanonsen Liene i retten med «et fuldkommen ulveskind». Ulven hadde han skote om vinteren i Skiftenes skog. I 1797 møter Even Pedersen Grøsele med skinna

av 3 vaksne skrubb som han hadde skote i Skiftenes skog siste vinteren.

— — —

Me har gitt att dette, fordi det gir ein gløtt frå livet som det kunne te seg. Lenger er det ikkje sidan at dei laut verje seg mot villdyr som truga buskapan og dermed ein viktig del av næringsgrunnlaget for folket på garden.

#### MERKNADER

1. Sjå Imenes-ætta.
2. « Hørte-ætta.
3. « Skiftenes-ætta II (Steinor-ætta).  
Terje Terjesen på Vestergard ætter i bein mannsline frå Steinor Skiftenes.
4. « Skiftenes-ætta I (Laurits-ætta).
5. Etter A. Stensvand. (Ein cornet var ein artilleriløytnant av lågaste grad.)
6. Om etterkomarar sjå Dolholt-ætta.
7. Sjå T. Fillingtveit: Rodals-ætta s. 14.
8. « Tørvolt-ætta.
9. Om etterslekt sjå Rodals-ætta s. 19.

Når ein køyrer «Oplandsvegen» frå Landvik og kjem til Søndle, har ein den store Søndlesøyna på venstre hand. Det er ei stor og skogrik øy. Og etter seiande segn skal øya ein gong i tida ha høyrd til Imenes, men kom som faddergave til Nærebø. Slik som øya ligg til, er det heilt naturleg at det har vore Imenes-eige. Det har me au historisk vitnemål om. I 1657 betalar Torgius Søndelsøen 1 ort 16 sk i kvegskatt. I 1659—60 er han nemnt Torgius Søndelsøen på Imenes-eie og betalar ½ dl i skatt. Om det var Imenesfolk som då åtte øya, veit me ikkje, men i odelsskatten i 1661 står Øffuen Poulsen Neerebø som eigar, likeins i 1668. Likevel ser me at Torgius Tordsen Søndelsøen i 1664—65 er nemnt «paa Imenes-eie». Når dette med Imenes-eie har halde seg då, er det trulig ikkje så svært langt tilbake frå den tid at øya gjekk over til Nærebø. Øya skatta for 1 gsk (3 ksk).

Torjus er den første brukaren me kjenner der. I 1668 var det ein som heitte Ola (Oluff). Meir veit me ikkje om han. I matr står Auen Paalsen som eigar av ½ ksk og Birrete Ugland med hendes søster ½ ksk. Det samstavar såleis ikkje med odelsskatten. Det heiter: Smaa eegeskouff. Saar 3 fjerding, før 3 naut og 4 smaler. Korntiend 5 notting.

Det neste namn me møter er i kb 1692. Då blir Giertrud Søndelsøen gravlagd, 50 år gl. Ho hadde nok ikkje levd som ho skulle, for ho får denne siste helsing frå kyrkja: besovet.

I 1701 er Lars Simonsen brukar, 44 år gl. Han døde i 1724 — 65 år gl. Kona som levde etter han, heitte Berthe Arnesdtr. Dei hadde 3 døtre: Karen som ved sk var enke på Grøse, Guri 30 år og Kirsten 23 år. Kirsten var f på Søndelsøyna. Ho vigde i 1732 med Ingel Aslaksen Skiftenes og dei budde på Søndelsøyna ei tid før dei kom til Skiftenes. Borna Guri, Gunhild og Lars er f der. Sjå elles Skiftenes-ætta I.

Lars Simonsen sat bra i det. Ved sk etter han var det netto 44½ rd. Ved sk hadde han 2 kyr, 2 kalvar, 3 sauer og 3 geiter. Etter matr i 1723 var utsåden 1 tn, og det er oppgitt at dei kan fø 2 naut, 2 sauer og 2 geiter. Berthe Arnesdtr døde i 1735 — 74 år gl.

Ingel Aslaksen var trulig på Søndelsøyna til fram mot 50-åra. Hvem som sidan sat der, veit me ikkje. I 1770 vigjer Tergie Søndelsøen med Marthe Osulsdtr Øye, men me høyrer ikkje meir gjete dei. Når det gjeld eigarane, er det heller ikkje stort me veit. I 1726 ser me at Ole Knudsen Esketvedt «haver for sine foreldres forsyning nydt ¾ ksk i d. øe». I 1745 gir Helje Andersdtr, Anders Olsen, Knud Olsen og Jens Taraldsen Bjønnum skj til Øven Terjesen Nærebø på 1½ ksk i S, dvs. halve øya. I 1758 sel Anders Olsen Udjus og Aanon Andersen Grimenes — han hadde sitt gifte frå Nærebø — til Terje Øvensen m. a. 1½ ksk i Søndelsøyna.

Det ser såleis ut til at øya alt tidlig er delt i to, slik som matr av 1668 syner. Det som

Ole Knudsen Esketvedt hadde er det seinare bnr 1. Men det er ikkje tinglyst noe om eiegenomen før i 1906! Då får Ole Knudsen Nærebø eigedomshevsdom på bnr 1 av gl skyld 1½ ksk, ny skyld mk 2.96. Bnr 1 går i 1907 over til Aanon Olsen Midstu for 3500 kr. I 1917 overtar arvingane Mart. Aa. Midstu og Terkel Jørgensen Vasshaven for 11 200 kr. I 1946 går bnr 1 over til Jørgen Vashaven.

Bnr 2 var det som Terje Øvensen Nærebø overtok i 1758. Heller ikkje her er det tinglyst eigedomsverdraging i tida framover, men i 1868 får Aanon Johnsen tingsvitne på at han i meir enn 20 år har ått desse 1½ ksk. Same året blir det gitt heimelsbrev til Anders Christian Nilsen (Nærebø) på eiegenomen som er utlagt til han på skifte etter Aanon Johnsen for 4500 spd. I 1871 blir så eiegenomen delt mellom John Andersen (Havstad) og Aanen Gunerius Andersen. Aanon får bnr 2 av skyld mk 1.47, John bnr 3 av skyld mk 1.49. Dei gir 1900 spd hver.

I 1872 sel så Aanon Gunerius til Jørgen Bang i Grimstad «6 skov stykker med tilhørende holmer for 3300 spd, saaledes at selgeren fremdeles betaler skatterne». Bang fekk skj på bnr 2 i 1876. Han dreiv ut skogen og selde så i 1878 til Terje Olsen Skiftenes (Haugen) for 6400 kr. Dette kjøpet galdt også bnr 3. Aanon hadde visstnok overtatt den halvdel som John hadde, for dei to bruksnr blir slått saman att. Salget til Bang galdt då halve øya.

I 1892 får Gunhild Terjesdtr, enke etter Terje Olsen, uskifteløyve. Eiegenomen går så i 1917 over til Terje Terjesen for 10 000 kr. Han sel i 1922 til svogeren Terje Larsen Tønnesøl. I 1946 går så eiegenomen over til Aanon Tønnesøl, son til Terje, for 15 000 kr.

#### *Øya på 1800-talet.*

I 1791 har Løvor Ellefsen Søndlesøen og Ingeborg Nilsdtr sonen Ellef til dåpen, d.s.å.

Ellef Christensen Skiftenes var ein av fadderane. Han var trulig far til Løvor. Ellef var husmann på Skiftenes ei tid. Ætt etter Løvor og Ingeborg er på Søndlesøyna i omlag 70 år. Løvor og Ingeborg hadde elles desse borna: Barbara 92, Ellef 96. Til Nærebø. Todne 98 g 1833 med Bent Hansen Molland. Siri 1802—21. Løvor døde i 1829 — 74 år, Ingeborg i 1842 som legdslem. Det var elles to huslydar på Søndlesøyna i 1792. Enka Gundvor Guttormsdtr var der med 1 son, og så Løvor og huslyden hans. Løvor sådde 1½ tn bygg, avling 6 tn. Løvor hadde ein son Nils f ikr. 1788, før dei kom til Søndlesøyna. Han vigde i 1822 med Karen Larsdtr. Dei hadde borna Lars 1823—67, Ole Christian 25. Til Tjaransplass, Imenes, g 1853 med Rakel Olsdtr Helle, Konsmo. (Ole Christian er då skreven Lorens Christian. Ei dotter Karen 1854.) Matias 1828. Til Gjerbryn, død 1893. Var skogsarbeidar og gardbrukar. Johanne 32—38. Inger Marie 36 g 64 med Hans Ommundsen Gjerbrønd. Dei budde på Søndlesøyna. Ein son Jens Tobias 1868. Nils Løversen døde 1869 — 83 år gl, Karen Larsdtr 1853 — 63 år.

Etter at Nils var død, flytta nok også dottera og mannen hennar frå. I 1875 bur Aanon Johannesen der. Han var f 1829 i Landvik og gm Elen Johanne Elefsdtr f i Birkenes 1832. Dei hadde borna Jørgen Emil f 69, Ole Edvard 71, Johanne Katerine 63, Aasine 64, Josefine Andrea 66. På plassen fødte dei då 1 ku og 6 sauer og sette 3½ tn poteter. I 1881 døde Aasine Aanonsdtr av tæring. Det er det siste me høyrer om folka der.

At det var bra med skog på Søndlesøyna går fram av matr.kom i 1867 som sette nettoavkastinga til 54 spd til året. Det var då i alt 20 mål dyrka mark, temmelig skarp sandjord. Det var bare høy dei avla der då.

Liene ligg på vestsida av Imeneskilen, omlag ein km nordaust for Imenes. Garden er gått ut frå Imenes. Det var Christoffer Andersen Imenes f ca. 1622 d 1694 som busette seg der. Han var eldste son på Imenes.<sup>1</sup> Han selde i 1674 sin odelsrett i Imenes til broren Aslak. Og Christoffer blei sittande som husmann på Liene all sin dag. Enka Guri Torjusdtr brukte Liene 3 ksk i 1701. Sønene Peder og Jens var då heime. Peder overtok Liene etter mora som døde i 1709. Han og kona er der aleine i 1711. Dei hadde ikkje born. Han er brukar i 1723. Det heiter då at dei kan så 1 tn 1 skj og fø 2 naut, 6 sauer og 6 geiter. Ingen Skov. Lætvindt.

Peder døde i 1734. Då overtok broren Jens Christoffersen. I 1739 kjøpte han 1½ ksk i Liene av sine søskenbarn Anders og Bent Aslaksønner Imenes for 50 rd. Elles var dei visst ikkje vener og vel forlikte. Året etter stemner Jens sine søskenbarn for ulovlig hogst i skogstykkå Borgaasen og Fladen som Jens meinte han hadde rett til. Dei på si side stemner Jens for hogst av ved og gjerdefang og ulovlig beite i Imenes skog.<sup>2</sup>

Jens var båtbygger. Han blir fritatt for kopp-skatt i 1743. Det same blir Aanon Aanonsen. Her møter me eit nytt namn på Liene. I tingboka for 1736 finn me dette: Aanon Aanonsøn Lunden i rætte lagde hans skriftlige stevne-

maal under 15 martii 1736, hvorved han søger Jens Christophersøn at fravige 1½ ksk udi Lien under Imenes, som han beboer, og samme indrømme for citanten som en boeslidt eier. . . .

Aanon, som var yngste son til Aanon Berntsen Lunden, var gm Maren Gundersdtr Dolholt og hadde fått ½ ksk i Liene ved sk 1736. Han hadde så kjøpt 1 ksk av Anders og Bent Imenes. Prokuratoren som fører saka for Jens, seier at Liene er på 3 ksk og det kan ikkje provast at dei 1½ ksk som Jens brukar er dei som Aanon har kjøpt. Han krev åstadssak, og retten gir han medhald. Me veit ikkje om det blei noe av åstadssaka, men Jens blir sittande på Liene. Og Aanon er der au i åra framover, så han har nok bygd der. Ei dotter Tødne f 1738. I 1748 heiter det at Aanon har kjøpt av Anders Aslaksen Imenes «½ ksk i denne plads, samt halvdelen i en nye oprøddet plads næstved». I åra kring 1760 er Aanon stadig vurderingsmann når det er skifte. Sonen Aanon gifte seg i 1768 med Johanne Tellefsdtr Nørholm og fekk då eit bruk i Tjore.<sup>3</sup>

Jens Christoffersen døde i 1756. Han hadde ein einaste son, Christoffer. Han døde i 1762. Mor hans var Marthe Danielsdtr Vigeland. Ho sat med eigedomen saman med sonen som var gm Karen Aslaksdtr Aagre. Aanon og Nils Andersen hadde kjøpt Liene i 1759 for 55 rd. I 1762, etter at Christoffer er død, blir det ei

ny sak, etter stemning av Aanon og Nils Anderssoner. Retten blir sett på «odelstomten Liene» og det er lensmann Knut Andersen Imenes som fører saka for brørne sine. Marthe hadde levert kontrastemning. Ho seier at då ho overtok plassen var husa til nedfalls. Dei hadde bygd nye hus.<sup>4</sup> Knud hevda at då plassen blei seld var husa brukelige. Som vitne møtte Ole Olsen og Peder Nilsen Storenes. Men partane blir einige — etter lang mellomhandling, som det heiter — at saksøkarane skal betale dei 55 rd etter skj av 1759 og dessutan 35 rd for påkostnad, i alt 90 rd. Karen og borna er på Liene ved sk i 1763, men flytter så frå. Ved sk hadde dei m. a. 4 kyr og 3 sauer.

I 1766 er det bare Lunden-folk som er på Liene. Anne Aanonsdtr vigde i 1765 med Nicolai Johannesen Schrøder, og dei bur i Liene noen år. Flytta trulig kring 1774 til Resvik.<sup>5</sup> Då er Nils Andersen Liene der. Han var frå Gurebu og gm Ane Sjursdtr Imenes. Nils Andersen hadde frå slutten av 70-åra og fram til 1790 eit større bruk på Skiftenes,<sup>6</sup> men gjekk frå i 1790 og kom då tilbake til Liene. Han er der i 1792 med kone, 3 søner, 1 dotter og 1 tenestjente, og bruker då 3 ksk. Imenes-folka hadde nå heile Liene. Anders Syversen Imenes fekk dei 3 ksk ved arvesk i 1790. I 1792 er det oppgitt at dei sår 2 tn bygg, avling 10 tn, og 1/8 tn poteter, avling 1 tn.

Anders Sjursen, han var son til lensmann Sjur Retterstøl og Guri Andersdtr Imenes, hadde fått 1 hud i Imenes i 1790, samtidig som han fekk Liene. Han budde på Liene i 1780 då han gifte seg, men flytta til Imenes då han fekk garden. I 1793 sel han 1 1/2 ksk i Liene til Svend Pedersen for 155 rd og 1 1/2 ksk til Peder Nilsen Storenes for 105 rd. Dei sel same året til Ellef Øvensen Lunden for ca. 277 rd. Same året fester Eilev — han hadde det bruket i Imenes som Knud Pedersen sidan kjøpte — 1 1/2 ksk til Svend Pedersen for årlig

avgift 5 rd. I 1795 festa han til Ole Halvorsen og i 1799 til Johan Johannesen Jamvold, trulig den andre halvparten av Liene. Svend er der i alle fall i åra utover. Han døde i 1840 — 75 år gl, kona Tarjer Christensdtr i 1854 — 92 år.

Johan Johannesen var der i åra 1795—1803. I 1806 sel så Eilev 1 1/2 ksk til Ole Jacobsen Birkeland<sup>7</sup> for 500 rd. Ole gir gjeldsbrev for kjøpesumen. I 1847 får sonen Jakob Olsen kjøp på resten av Liene 1 1/2 ksk av Knud Pedersen Imenes for 400 spd. Tarjer Christensdtr hadde bruksrett så lenge ho levde. Son til Svend og Tarjer, Peder Svendsen, sat der som inderst etter foreldra. Kona hans heitte Karen Gurine Danielsdtr. Peder var f 1794 og d 1878.

Jakob Olsen overtok dei 1 1/2 ksk etter faren i 1852 for 300 spd. Ved sk etter kona hans Anne Gurine Andersdtr i 1856 blei dei 3 ksk verdsett til 550 spd. I 1860 skilde Jakob frå til sin bror Klemet Olsen eit stykke av garden 3/14 ksk for 50 spd. Det er bnr 3 nå, Brentebakke. I 1872 kjøpte Jakob Olsen av Aanon Aanonsen Høiberg plassen Nyhaven for 100 spd. Nyhaven var gått ut frå Imenes bnr 4 i 1857. Har nå bnr 2 Liene av skyld 30 øre. Bnr 1 har skyld mk 1.86.

Jakob Olsen var f i 1813 og døde i 1890. Sonen Ole Jakobsen f 1845 døde i 1887. I 1889 gir så Jakob Olsen skj til Ole Jakobsens bu på bnr 1—2 for 9600 kr. Og Jakob Olsen f 1879, son til Ole Jakobsen og Elise Marie Thomasdtr, blir samtidig utlagt eigedomen for same sumen.

Bnr 1—2 har nå 28 dekar dyrka mark og 400 dekar produktiv skog. Sætehusa er bygd kring 1800 av tømmer, påbygd 1903. Uthus 1857. Garden før (1956) 4 kyr og hest.

*Brentebakke* bnr 3 fekk Klemet Olsen i 1860. Han døde i 1877. Enka Ingeborg Kristiansdtr sat så med eigedomen. I 1867 var det 3 mål dyrka mark til eigedomen (nå 7 dekar). Dei kunne så 1/8 tn bygg og sette 2 tn poteter.

I 1875 hadde Klemet 1 ku og 2 sauer, sådde  $\frac{1}{4}$  tn bygg og sette 3 tn poteter. Jakob Olsen hadde 4 kyr og 10 sauer, sådde  $\frac{1}{4}$  tn kveite, 1 tn bygg og sette 3 tn poteter.

Marie Klemetsen, dotter til Klemet Olsen og Ingeborg, selde i 1948 eigedomen til Erling Liene for 3600 kr.

#### MERKNADER

1. Sjø Imenes-ætta.
2. « Imenes-ætta.
3. « Lunden-ætta (Augland-ætta).
4. Ved sk etter Peder Christoffersen i 1735 er mellom lausøyra førd opp «Waanuserne — eet stue og bryggerhus, begge med skorsteener udi», verdsett for 16 rd. Det er nok desse husa dei reiv, og bygde så nye. Av buskap hadde dei då: 4 kyr, 1 svin, 5 geiter, 1 bukk, 1 liden bukk, 1 gjeldbukk og 3 vaksne sauer. Av andre ting i dette skifte kan nemnast 3 tylfter «baadsbord» verdsett til  $1\frac{1}{2}$  dl og 6 notting tjøre a 12 sk. Me veit dei var båtbyggjarar der. Også Nicolai Schrøder dreiv med båtbygging der, og sidan i Resvika.
5. Sjø Schrøder-ætta.
6. « Skiftenes.
7. « Liene-ætta.

---

## STORENES

Gnr 77

Storenes ligg ved Rore og er nok i si tid rydda i Imenes mark. Ole Ugland (Olle Ødde Ugland) som åtte jord i Imenes og trulig var av Imenes-ætt, åtte Store Næs i 1668. Bruket var då skyldsett i  $\frac{1}{4}$  hud. Brukar var Sven, eller Suend som dei då skreiv. Ætt etter han sit ennå på Storenes. Det var «brændefang skouff» til bruket, som kunne så  $\frac{3}{4}$  tn og fø 3 naut og 4 smaler. Korntiend 5 notting.

I 1690 vigjer Hagen Svantzøn med Anne Arnesdtr, og i 1694 Clemet Svantzøn med Ingeborg Christoffersdtr. Begge huslydane er på Storenes i 1701. Då er Clemed 36 og Haagen 35 år. Og dei, eller faren, har nok fått kjøp på Storenes, for dei 3 ksk er «bondens». Matr 1706 syner at Clemet og Hagen brukar dei 3 ksk saman og dei er «proprietarie besid-dere». I 1723 brukar dei hver  $1\frac{1}{2}$  ksk og dei sår hver 4 skj og kan fø tilsaman 2 naut. Skov til ilding. Vaadlændt og tungvindt, heiter det.

Det er stort 2-høgda sætehus på Storenes og det er opplyst at det er bygd ikring 1700, så det må nok ha vore dei to brørne som bygde. Og dei har nok ått helvta hver, for så seint som i 1846 ved sk etter Peder Nilsen ser me at han eig 2 ksk i garden med  $\frac{1}{2}$  i husa.

Det blei eldste dottera til Clemmet — Ragnhild — som kom til å overta farens part i

Storenes. Ho vigde i 1724 med Peder Nilsen Prestdal. Ragnhild hadde ein bror som heitte Kristoffer, men han høyrer me ikkje meir til. Og det blei etterkomarar etter Ragnhild og Peder som sidan blei sittande på Storenes.

Karen Haagensdtr vigde i 1730 med Ole Olsen Jovold. Han var frå Vatnestraum i Iveland og han kjøpte i 1754  $1\frac{1}{2}$  ksk i Storenes av svograne Nils og Svend for 42 rd. Nils og Svend flytta nok ut. Karen døde i 1771. Det som Ole og Karen hadde gjekk nok over til Imenesfolk. I 1779 feste Aslak og Aanon Andersen Imenes plassen Storenes til Guttorm Anstensen. Han flytta til Bomdalen som han kjøpte i 1789. Hans Nilsen Koksnes fekk feste på  $1\frac{1}{2}$  ksk i 1780 for 2 rd årlig. I 1798 fester Nils Ommundsen.

Nils Andersen Lunden — han var av Imenesfolket — fekk dei  $1\frac{1}{2}$  ksk i 1790 for 80 rd. Nils Ommundsen og kona Terjer er på Storenes i 1801. Der er og Peder Nilsen og kona Marte Aslaksdtr. Peder var soneson til Peder Nilsen som gifte seg til Storenes. I 1786 hadde han overtatt halve Storenes for 87 rd ved skj frå farbrørne Jørgen og Steiner. Jørgen var på Hove (i Eide?) ved sk etter faren Peder Nilsen i 1777. Nils Pedersen var død før faren. Sjå Storenes-ætta II. Ved sk

etter kona til Nils, Gunhild Hansdtr, i 1765 — ho døde to år etter mannen — hadde ho lausøyre for netto 20 rd. Buskapen var 1 ku og 2 sauer.

Nils Ommundsen fekk kjøp på dei 1½ ksk av Ellef Øvensen Lunden i 1799 for 220 rd. Han er då skriven Nils Ommundsen Tveden (frå Tveiten i Hf.?). Året etter selde han til Peder Nilsen Storenes for 260 rd. Og Peder sat då med heile bruket. Marthe Aslaksdtr, kona til Peder, er det sk etter i 1804. Peder sat då godt i det. Han åtte Storenes 3 ksk verdsett til 300 spd, hadde lausøyre for omlag 255 rd og «indgjeld» i alt 161½ dl, samla eige 716 rd. Det gjekk frå 25 rd i skifte-kostnad. Nettoen blei då 691 rd. Eldste sonen Aslak var då 11 år. Han levde sidan ugift på Storenes. Peder gifta seg oppatt med Gunvor Hansdtr frå Haugebu. Ho døde i 1853 — 91 år gl. Peder døde i 1833. Året før hadde sonen Nils overtatt, og han tok då faren og stemora i follaug. Ein yngre bror, Hans, kjøpte 1 hud i Aagre i 1833, men hadde garden bare noen få år.

Nils Pedersen døde i 1846. Det blei auksjon og lausøyra blei seld for 134 spd. To ksk i garden blei sett i 240 spd (med halvparten i husa). Netto 270 spd. Gjelda var 104 spd, men av dette var 74 spd til Aslak. Den eldste av borna var Peder som var 10 år då faren døde. Enka, Margrete Nilsdtr, vigde oppatt med Gunder Terkelsen Skiftenes. Dei flytte sidan til Enge. Peder overtok i 1866 det mora hadde hatt, 1 ksk og ½ av bygningane for 350 spd. I 1918 går bruket over til sonen Harald Pedersen ved skj frå Peder Nilsen, for 6000 kr. Med i kjøpet fylgde jordstykket Sandviga, ein gamal plass under Imenes (bnr 4,

Imenes). Inga Pedersen, enke etter Harald Pedersen, gir i 1950 skj til sonen Kristian Storenes for 6500 kr.

\*

Storenes har nå 20 dekar dyrka mark. Ved matr i 1867 var der 17 mål, almindelig sandjord og myr og myrslåtte til eit lass. Dei kunne så  $\frac{4}{24}$  tn kveite,  $\frac{1}{4}$  tn bygg og sette 3 tn «potets». Høyavlinga var 20 skp. Kunne fø 3 kyr og 8 sauer. Beiterett i Imenes skog. Der hadde dei au rett til å sanke lauv. Ikkje skog til salg. I 1875 hadde Peder Nilsen hest, 3 kyr og stut. Sådde  $\frac{1}{3}$  tn kveite,  $\frac{1}{2}$  tn bygg og sette  $4\frac{1}{2}$  tn poteter. Ved sk etter Marthe Aslaksdtr i 1803 hadde Peder Nilsen: 3 kyr, 9 vaksne sauer, 7 mindre sauer, 1 geit og 1 bokk. Skrivaren reiste då med 2 kyr og dessutan eit sølvstaup som han tok for skiftekostnaden. I buet var det då m. a. eit steinkrus med sølvlæg verdsett til 8 rd (beste kua i 10 rd.) Av sølv var det vidare: 6 stk sølvskeier, 1 sølvskospenne, 1 snørliv med sølvmaljer. Dei hadde ein  $1\frac{1}{2}$  skp kakelomn verdsett til 10 rd. Dottera Marthe arva etter mora m. a.: 1 gulblom. bomullstrøye, 1 blaa og hvid, 1 brunblom., 1 sort og hvid, 1 cattuns ditto, 1 violet bomulds ditto, 1 snørliv med sølvmaljer (5 ort), 1 grønt ditto 1 rd, 1 lerreds snørliv, 1 rannete stoffes skiørt, 1 blaat marines ditto, 1 rødt, 1 sribede verkens ditto, 2 verkens ditto, 1 rødt, 1 hvidt, 4 forklæde, 1 damaskes kaabe 3 rd, vanter, lue, serker m. v.

Me ser såleis at Marthe var godt utstyrt i kledevegen og at det var solid velstand på garden. Fram gjennom tidene har dei nok drive som handverkarar, serleg med båtbygging, attåt gardsbruket. Peder Nilsen er såleis nemnt gaardbruger og baadbygger i 1875. Og sonen Harald som gifte seg i 1901 er også båtbyggjar då.



---

---

## IMENES

Gnr 78

— men høit over alle aasene laa  
Imenes-Sadlen bred og blaa,  
da kendte han hvor han var.

Andre påskedag 1478 var Gunnar Eirikson, Eilif Berulvson, Tallak Ormson og Torgeir Nottolfson, svorne lagrettemenn, på Imenes (à Imbenesæ). Dei kunngrer at Tor Ormsteinson har selt 19 månadsmatsleige i Hynnekleiv og Haugland til Sveinung Gunnarson.<sup>1</sup>

Me veit ikkje om dei som her er nemnt, har noe med Imenes å gjere, men det er første gong garden er nemnt, for snart 500 år sidan. Dette er au ei av dei første skriftlige kjelder som namngir ein gard i Landvik, utanom prestegarden.

Me må nå over hundre år fram i tida før me på ny møter Imenes-namnet. I 1591 er Aslak Emenes sendemann til kongehyllinga i Oslo, saman med lensmann Aanon Jonson Dolholt. Desse to var dei største jordeigarane i Landvik. Frå Aslak Imenes kan me fylgje ætta på garden eit par hundrad år. Og dei som sit på garden i dag — i alle fall på to av dei tri bruk — kan fylgje ættliner opp til dei gamle Imenesfolka, som først på 1600-talet sat med stort jordegods så dei laut reknast til bondearistokratiet og som langt fram på 1700-talet sat i relativ stor velstand.<sup>2</sup>

Imenes-namnet — som Henrik Ibsen har gjort landskjend ved verselinene frå Terje Vigen — kan me ikkje gje sikker tyding på.

Garden ligg ved Imeneskilen, Rore. Tidligere gjekk den gamle ferdslevegen frå Øvre- og Austbygda framom garden, Prestevegen kalla dei han.<sup>3</sup> Denne veggen kom frå Resviga over Imaasen og like ned ved dei gamle husa på Imenes. Dei stod litt nordaust for garden til Toralv Imenes. Sætehusa på garden hans flytte dei då dei bygde opp etter brannen i 1785. Men på hovedbruket då bygde dei på dei gamle tuftene, og husa stod der i hundre år. Gunder Torp som hadde fått halvparten av husa ved gardkjøp, reiv sin halvpart og bygde nytt på nordvestsida av garden i 1880. Knud Pedersen hadde då alt bygt i Resvika og flytta dit. Resten av husa stod til ut i 90-åra. Det var store hus, dobbelt høge og dobbelt breie, og det var svært tømmer i dei.

Framom dei gamle tuftene heitte det *Skeiet*. Når dei kom ridande der var det å ta seg ein «tørning». Den nye veggen kom i slutten av 70-åra, og då var det slutt med å ri Prestevegen som frå Imenes førde framom Liene og til Skiftenes bru.

Sør-vest for dei gamle husa er det eit jorde som heiter *Hovegra*. Der er ein stor stein som

skulle vere den gamle offerplassen etter segna. Her har dei au gjort fornfunn.<sup>4</sup> Så garden er nok utgamal, frå vikingetida eller tidligare, trulig heilt frå folkevandringstida eller før, for i skogen er det ein stad som heiter *Borgåsen*. Denne åsen hallar bratt ned der vegen går langsmed Sønle. Der kan ein, eller kunne i alle fall tidligare, sjå merke etter at det var grave brønn. Staden ligg og slik til at det er lett å verje seg.

Ramneknuden og Bjønnestigen fortel om dyreliv i gamle dagar. Ute i Imenes-kilen ligg to holmar, Salpond og Mjølpond, men noen segn knytar det seg ikkje til desse namna.

\*

Imenes, der det nå er tri bruk, var trulig eit bruk fram til 1720-åra. Då det er sk etter Gjertrud Beintsdtr i 1719 er i alle fall garden samla. Han var då på tri huder. Dessutan hørde Liene (3 ksk) og Resvik (3 ksk) til garden.

Til Imenes hørde elles frå gamalt og austre og vestre Bjørkos, og Søndlesøyna og Imenes med desse underbruk hadde då ei skyld på 4 huder og vart rekna som fullgard.

Så seint som i 1664—66 finn me under manntalet Immenes med Søndelsøen og Birchaas. Åsittarane er i 1664: Anders Aslaksen, Oluf Aslaksen, Endre Olufsen og Aslak Ellingsen. Dessutan er det nemnt tri husmenn: Oluf Beintsen, Oluf Drengsen og Torjus Sjursen. For å finne ut hvem som sat på Imenes, må me gå til andre kjelder. Ser me på kvegskatten 1657 finn me under Imenes: Anders Imenes, Oluf Drengson og Gundil. Dei to siste må vere husmenn for dei betalar berre 18 sk, men Anders 1-1-2. Bjørkos: Aslak Birchaas 0-2-3. Einner ibid 1-0-22. Dette Einner er sikkert feilskrift for Endre. Under landsk same året finn me: Endre Birchaas leiger 1½ ksk, Elling Aslagsen bruker 2 gsk. Under futereknesk. 1664:

husmand Aslach Ellingsen v. Birchaas og hm. Endre øster B. Endre og Aslak kan me på denne måten «stadfeste» til Bjørkos. På Imenes blir det då Anders (og Ola) Aslaksen som me kan gå ut frå er av den gamle ætta på garden.<sup>5</sup>


Under landskatten 1610 står Aslach Immenes m. a. som eiger av 2 h 1 gsk i garden (og dessutan ei mengd strøgods). I 1624 Kjersti Olufsdtr med same godset. Elling Auensen Lunden har 1 gsk, men hvem som eig resten av godset — som då er på utanbygds hender — kan me ikkje få greie på utan å gå til odelsjordeboka for andre bygder eller landsluter og det ligg utanfor ramma av dette arbeidet. Men i 1640-åra ser me at futen Jørgen Christensen i Råbygdelaget eig 3 gsk i garden, medan Anders Imenes har 5 gsk og ein Aslag Madsen 3 gsk, tilsaman 11 gsk eller 3¾ hud (1643—1645).

I 1647 står Jørgen Christensen oppført som «eiger og bruger» av 2 huder. Han må altså då ha flytta til garden. Anders eig og brukar ½ hud 1 gsk, leiger det same av Oluff Ugland og av Berulv Bjørnsen ½ hud.

I 1650 er Jørgen Christensens arvingar eigar av 2 huder. I 1652 står Anders på ny for 5 gsk, men året etter for 3, leiger av Oluf Ugland og 5 av Berulv Bjørnsen, medan Jørgen Christensens arvingar eig og brukar 5 gsk.

1654: Anders Immenes eiger och bruger 1 hud, leyer aff Berull Bjørnsen 1½ hud, aff Aslag Ellingsen ½ hud. Oluff Aslagsen Schifftenes eiger och bruger 1 hud. I 1655 står Anders og Oluf ført opp med det same, og dei leiger saman 1½ hud av Berulv.

I 1657 står Anders oppført som sjøelveigar med 5 gsk. 1661, Landkommisjonen: Anders Aslachsen eig og brukar 2 h. Bestemand. Hendrich Arnessøn eig og brukar 3 gsk. Anders leier: av Bjørn Grøm ½ h 2 ksk, Todne Trolim 2 ksk, Suend Sæveli 2, Arne Haffuestad 2 og av



*Imenes. Omlag midt på billedet lå den gamle garden.*

Bergeete og Kari Ollsdøttre 1 ksk. Torgius Torsen leiger av Bergeete og Kari 3 ksk. Aslag Ellingsen eig  $\frac{1}{2}$  gsk. Dette blir  $4\frac{1}{2}$  ksk meir enn det garden er oppført med (4 h).

Det kan sjå noe forvirrende ut med alle desse skifte i eigedomstilhøva gjennom snaue 20 år, men ser me etter, finn me nok ein samanheng. Aslak sit med 2 h 1 gsk i garden i 1610, Kjersti Olufsdtr, enka, med det same i 1624, medan Anders (Aslaksen) for det meste er ført opp med 5 gsk, dvs. halvparten av odelsgodset i garden i 1624. Resten må me då gå ut frå er gått til medarvingar. Futen Jørgen Christensen har trulig fått samla strøgodset og som

eigar av halve garden har han flytta til ikring 1647. Elles er — frårekna dette korte avbrot — Imenes-folka brukarar av heile garden. Futegodset går i 1654 over til Imenes-folka og til Berulv Bjørnsen.<sup>6</sup> Hovedgodset i Imenes går sidan over til Imenes-folka i slutten av 1660-åra, medan Bjørkos og Søndlesøyna går over til andre eigarar. I 1668 brukar Anders og Aslak (Anderssen) hver sin halvpart av garden. I matr står Aslak og ført opp som eigar av 1 gsk i Refsviga. Det er siste år me finn Anders nemnt.

1674: Aslak Imenes eig odelsgods 1 h  $8\frac{1}{4}$  ksk, i Refsviga 1 gsk. Eig på vegne av dottera  $\frac{1}{2}$

hud. Olle og Poffuel Anderssonner Imenes eier med deris søster  $\frac{1}{2}$  h. Svend Sefueli med sine arf.  $3\frac{3}{4}$  ksk. (Det same som Ole Uglands arv. i 1668.)

Det er sk etter Aslak i 1688, men skiftet har me ikkje, og me veit ikkje om heile jordegodset er samla på ei hand då, men ved sk etter enka, Gjertrud Beintsdr, er jordegodset samla, som tidligare nemnt, medan ho i matr 1706 står oppført som brukar av 3 huder og eigar av 1 hud 6 ksk. Liene kjøper ho i 1710.

#### *Garden blir delt.*

Ved sk etter Gjertrud får sønene Anders og Beint hver 1 hud i garden og dei to døtrene hver 6 ksk. I 1723 ser me at Anders og Beint brukar hver sin halvpart av garden. Det gjer dei så seint som i 1746 då Anders har fått kjøpt inn søsterlutene og det blir rettssak med Beint som au ville kjøpe. Retten gir Anders medhald og Beint blir frå nå av eigar og brukar av 1 hud, medan Anders sit med  $\frac{2}{3}$  av garden, og sidan sønene hans Aslak, Knud, Jon og Aanon. Ingen av dei var gifte. Då den siste av dei, Aslak, døyr i 1789 går garden 2 huder og 2 ksk i Risviga ved arveskiftekontrakt 9. januar 1790 til Nils Andersen for 1350 rd. Han var g til Lunden. Anders går bort same året og garden går til enka Gunhild og dottera Johanne som var gm Eilev Auensen Lunden. Johanne dør i 1812. Ved registreringa blir dei 2 huder i Imenes sett til 14 000 riksdalar, men ved sk året etter 9912 riksbankd. Same året sel Eilev 2 h i Imenes, 2 ksk i Risviga og  $1\frac{1}{2}$  ksk i Liene til Anders og Hans Dedekam i Arendal for 10 000 rbd, og bruket går dermed ut av ætta.

Eilev hadde leigefolk på garden. I 1792 er det Christen Christensen som brukar garden. I 1808 leiger han til Ole Vilkens for 100 rd året. I 1817 er Mogens Mo leigar. Han er der au i 1820. Seinare kjem Peder Knudsen Øy-

garden frå Birkenes som paktar.<sup>7</sup> I 1834 sel Anders og Hans Dedekam til Knud Pedersen Østerhus, son til Peder, for 5000 spd. Knud ætta på morssida frå Imenes, rett nok langt ute.<sup>8</sup> I 1846 kjøper Knud 1 ksk i Resvika for 200 spd og eig dermed heile Resvika. Året etter sel han Liene for 400 spd. Tjaransplass blir utskild 1855 med  $\frac{2}{3}$  ksk og blir seld året etter for 200 spd. Knud skifter 1861 ut  $\frac{1}{4}$  av garden til sonen Karl og  $\frac{1}{4}$  part til dottera Elen Matea gm Halvor Jørgensen Grefstad. Enka etter Karl, og Elen som au er blitt enke, sel i 1873 til Gunder Olsen Torp. Han slår i 1874 dei to partane saman til eit bruk, bnr 3 nå. Han overtok dei gamle hus på garden. Knud bygde nye hus i Resvika.<sup>9</sup> Frå Knud gjekk garden (bnr 1) til sonen Bendiks K. Imenes og seinare til sonesonen John B. Imenes.

Bnr 3 gjekk frå Gunder Olsen til enka og sonen Nils Imenes. Eigar frå 1956: Gunnar N. Imenes, son til Nils som på morssida ættar frå dei gamle på Imenes.<sup>10</sup>

#### *Beint-bruket.*

Då Gunder Olsen Torp i 1874 slår dei to partane han har kjøpt i Imenes saman til eit bruk, er garden dermed delt i 3 jamstore bruk etter gamalt skyld. Me skal nå sjå på det tridje bruket, det som Beint Aslaksen overtok ikring 1720 og som me derfor kan kalle Beint-bruket. Det gjekk i arv til sonen Aslak, men farbroren, og vel aller helst hans søskenbarn lensmann Knut Andersen, var ute og ville ta garden frå han i 1765. Denne saka går heilt til Overhofretten i København, men dei får ikkje Aslak frå garden. Bruket, nr. 4 nå, går til sonen Søren Aslaksen. Han dør ung, og enka, Gro Terjesdr, må gå frå garden i 1790. Bruket går då over til Anders Syvertsen Liene. Mor hans var av Imenes-folket,<sup>11</sup> og garden blir på denne måten i ætta, men bare for ei kort tid. Bare

tri år etter — i 1793 — dør Anders. Enka etter han, Aase Gundersdtr, gifter seg eit par år etter med Jens Beintsen Ronden, og han overtar garden.<sup>12</sup>

Trulig har son til Aslak forsøkt å få garden att, han hadde odelen, men noe odelsøksmål har det ikkje vore. I 1799 sel Jens Beintsen til Aslak Sørensen 1 hud i Imenes for 714 rd, men bare ei vike etter «haver Aslak Sørensen Imenæss med curator Anders Nielsen Dolholt solgt til Jens Bentsen Imenæss 1 hud i d.g. for 1114 rd 20 sk». Same dag har Gunder Aanonsen Torp «meddelt Jens Bentsen skjøde på de 4 ksk i hans brugende 1 hud i d.g. som myndlingene Sivert, Gunder og Aanon Anderssoner, samt Marthe Andersdatter er udlagt ved sk efter avg. Anders Syvertsen for betalt udløsning 120 rd».

Aslak har, ser me, faktisk fått 400 rd for odelsretten til garden. Rett nok er ikkje åsætesretten nemnt, men onnorleis kan me ikkje tyde denne gardhandelen. Aslak var då 18 år. Han kjøper i 1806 noe jord i Lia, vel 8 ksk, men me høyrer ikkje meir gjete han. Garden går ut av ætta, for heller ikkje noen av borna til Anders Sjursen kjem til å take garden. Ei sonedotter til Gunder blir gm Gunder Olsen Torp, som kjøper halve hovedbruket i Imenes, slik som tidligare nemnt.

Bruket går i 1826 ved sk etter Jens Bentsen over til sonen korporal Anders Jensen for 720 spd. Anders dør i 1846, og garden går over til enka, Inger Olsdtr, som var frå Klepp i Øyestad. Dei hadde bare ei dotter, Aase. Inger overtok garden for 1250 spd. Aase gifter seg i 1857 med John Christensen Opsal frå Lyngdal. Dei overtar i 1858 halve bruket for 330 spd. Inger Olsdtr dør i 1863, og i 1866 blir bruka slått saman att til eit bruk, nr. 4 nå. Aase blir enke i 1904 og sit med garden til han ved skifteskjøte i 1917 går over til sone-sonen Toralv Imenes for 28 000 kr.

#### *Eigar- og brukarrekkje gjennom 380 år.*

Me kan i stuttmaal resymere eigar- og brukarrekkja slik, meddi me elles viser til det som tidligare er skreve:

#### *Bnr 1.*

Ca. 1580—1622	Aslak Imenes
1622—1626	Kjersti Olufsdtr
1626—1633	Arne Aslaksen
1633—1670	Anders Aslaksen
1670—1688	Aslak Andersen
1688—1719	Gjertrud Beintsdtr. Garden delt. Sjå bnr 4.
1719—1765	Anders Aslaksen
1765—1790	Aslak (Knud, Jon og Aanon) Anderssoner
1790—1813	Eilev Auensen Lunden
1813—1834	Anders og Hans Dedekam
1834—1861	Knud Pedersen. Garden delt. Sjå bnr 3.
1861—1893	Knud Pedersen
1893—1926	Bendiks K. Imenes
1926—1954	John B. Imenes
1954—	Kristine Imenes.

Eigedomen har skyld mk 9.22 I 1905 utskild parsel til Grimstadbana av skyld mk 1.06.

#### *Bnr 4.*

Utskild frå hovedbruket bnr 1 i 1719. Opphavlig skyld 1 hud.

1719—1759	Beint Aslaksen
1759—1780	Aslak Beintsen
1780—1785	Søren Aslaksen
1785—1790	Gro Terjesdtr
1790—1793	Anders Sjursen Liene
1793—1826	Jens Beintsen
1826—1846	Anders Jensen
1846—1863	Inger Olsdtr
1863—1917	Aase Andersdtr og John Christensen
1917—	Toralv Imenes.

Fråseld: Nyhaven 1857, Storemyr 1886, Sandviga 1918, Furuly 1938—39, Sørheim 1955. Bruket har att skyld mk 8.70.

## Bnr 3.

Gått ut frå bnr 1. Skyld mk 9.21.

1873—1936	Gunder Olsen og Anne Johanne Imenes
1936—1956	Nils Imenes
1956—	Gunnar N. Imenes.

## Buskap, utsåd og avling gjennom 200 år.

Kva har dei så hatt å leve av på garden gjennom dei skiftande tider? På grunnlag av matr 1668 og 1723, lensmann Brøndums mt 1792 og matr.kom oppgaver 1867 kan me sette opp denne tabellen.

	Utsåd tn	Avling tn	Hestar	Naut	Sauer	Geiter	Merknad
1668	6		2	18	24		24 «smaler»
1723	8		2	12	10	10	
1792	10½	36					
1867	5¾	28¼	2	11	18		Poteter uts. 12½, avl. 87

I oppgava frå 1867 er og plassane tekne med. Men matriklane er meir eit mål, eit skattegrunnlag enn ei oppgave over det dei verkelig sådde og hadde av buskap. Av skifta kan me ikkje finne samtidige opplysingar om buskapen på heile garden. I sk etter Gjertrud Beintsdtr er det 2 hestar, 2 geiter og 3 sauer, men kyrne hadde ho delt mellom borna før ho døde. Ved sk 1734 har Anders Aslaksen som då brukar halve garden: 1 hest, 3 kyr, 2 kvier, 1 tjør, 10 geiter og 3 «sauer». Ved sk 1759 etter Beint Aslaksen som då har ⅓ av garden: 4 kyr, 1 kvie, 8 geiter, 6 kje, 2 lam, 2 griser. 1780, same bruket: 1 hest, 5 kyr. 1824, same bruket (Aase Gundersdtr): 1 hest, 4 kyr, 1 kvie, 18 sauer, 7 lam, 4 geiter, 4 kje. 1867, same eigedom: 1 hest, 5 kyr, 8 sauer.

1867, Knud Pedersen: 1 hest, 4 kyr, 10 sauer. På den andre halvparten av denne eigedomen er det ikkje folk då. Dei avlar bare høy. Den dyrka jordvidda er 149½ mål i 1867. Dertil kjem 11½ mål på plassane Nyhaven og Tjaransplass som før 2 kyr, avlar 4¾ tn korn og 20 tn poteter. Høyavling 159 skp. Utslåttar gir bare 7 lass høy. Beitet blir karakterisert som «bekvemmt og omtrent tilstrekkelig». Garden blir karakterisert som lettbrukt.

Karakteristikk av dei einskilde bruk:

Knud Pedersen 55½ mål. God jord på leerbund. En del sand. Risvig skarp sandjord.

John Christensen: 53 mål. Almindelig leer og sand, litt myr.

Karl Knudsen og Halvor Jørgensen Grebstad (det seinare Gunder Torps bruk): 40 mål almindelig ler og sand, litt myr.

Tjaransplass 6½ mål og Nyhaven 5 mål temmelig skarp sandjord.

## Skogen.

Imenes er rekna som ein god skoggard, men vidda er ikkje serlig stor, omlag 3000 mål. Det er kort drift til Rore og Søndle. Dei eldste oppgaver fortel ikkje mykje om skogen. Landkommisjonen 1661 seier: Skaug til husbehov med smaa ægestolper og barkhuner, samt brendefang. Me kan merke oss at det mellom husmenn då er ein Ola sagmeister, eller Olle som dei skreiv, men han budde vel trulig i Bjørkos der det har vore drive med sag gjennom lange tider. 1723: Skov til smaalast.

Etter den tid finn me ikkje opplysingar om skogen før i takstar 1789 (sjå nedanfor) og i 1813 då det er takst på det gamle hovedbruket. Takstnemnda seier:

Skoven er av god beskaffenheit bestaaende av eg, furu, gran og birk, men mengden eg og furu i god

væxt. Og skjønnede retten at denne Imenes skov uden at skadehugges kan avgive aarlig frie for omkostninger 200 rbd, ligesom skovproduktene fremdrift falder særdeles beleilig til Sønle-vandet og Rore-vandet hvorimellem gaarden Imenæs er beliggende.

Ved sk etter Anders Jensen i 1847 får me vite at buet eig  $\frac{1}{5}$  i Holdalens eller V. Skiftenes priv. sag. Denne sagparten blir seld for 31 spd. Vidare får me opplyst at det frå denne eignedomen er seld 70 tlt. tømmer på stuv for 634 spd. Og det kan me gå ut frå ikkje var smålast. Ein blink på 10 tom. 12 fot var vel det vanlige då. Endelig kan me nemne at matrikkelnemnda 1867 reknar med årlig salg av furu, gran og litt eikelast for tilsaman 214 spd for dei tri bruka.

#### *Innsteg på Imenes ein dag i 1719.*

Me har nå med tal og oppgaver forsøkt å syne det som var næringsgrunnlaget for dei som levde på garden gjennom dei skiftande tider. Men hossen levde dei? Hva hadde dei elles å greie seg med? Skal me få ei meining om det, har me ikkje anna å gjere enn å gå til skifteprotokollane og rettsprotokollane for å finne opplysingar.

Ein haustdag i 1719 var det skifte på Imenes etter Gjertrud Beintsdr. Gjertrud var av det mektige Gauslaafolket og hadde sete enke på Imenes heilt sidan 1688 og ho åtte heile Imenes, Liene og Refsviga og dessutan noe pantegods i Lunden. Det var velstand på garden. Omnar er ikkje nemnt i skiftet, så det hadde dei ikkje, men me må vel gå ut frå at dei hadde peis eller skorstein og at årestova i alle fall der på garden hørde gamletida til.

Når me kjem inn i stova, er det ikkje mykje møblar å sjå. Det er bare nemnt 1 bord i stuen med krach, verdsett til 1 rd, vidare er det nemnt 2 trestolar. Elles finn me: 3 senge-steder, 1 bord og ein sengestad i Beints stove, 1 bord i «boen» (bua?), 1 bord med krakk



*Nils Imenes f. 1881 har fortalt tradisjonsstoffet om Imenes. Her peker han på den staden gamlegarden lå. (Fot. 1960. Tv.)*

på loftet. Elles er det fleire kister, i alt 5 og to av dei med dobbelt lås, og dei blei verdsett til 2 dalar hver eller  $\frac{2}{3}$  av eit kuverd den gongen. Det var her dei hadde stasklæda og andre eignaluter.

Om det var lite med møblar, så kunde dei duka bordet. Gjertrud hadde 5 ringvevde dukar verdsett opptil 2 rd for stykket og ein dreielsduk for 2 rd. Ho hadde mykje sølv, så sølv-skeier kunne dei legge på bordet, men elles var det tinn dei dekte opp med. Det blir nemnt 4 tinnfat, 1 dusin tinn tallerker, 1 tinn smørkanne, 5 saltsirkener, og var det mørkt hadde dei 4 lysestaker av messing til å sette fram. Det er og nemnt lysesaks av messing, 2 messing bordringer, hva dei nå brukte dei til, og 1 «støche fyrfad».

Til matstellet hadde dei m. a. ei stor «blar-

gryde» (malm) verdsett til 1½ rd, ei middels og 4 mindre gryter, og til baksten «1 helle med been» (1 rd). Me ser at dei fekk ikkje kjøkenutstyret billig den gongen. Hva ville bøndene i dag seie om dei laut betale eit halvt kuverd for ei gryte?

Når det galdt bryggekjelar, slapp dei heller ikkje billig frå det. Det blir registrert ein ny bryggekjel av kopar til over 8 rd, og ein eldre for 7 rd. Dei vog tilsaman 63 pund. Av kopar er det elles: en fortinnet kobberpande, en mindre ditto og en gandske liden ditto. Et lidet fyrfad. Det er 4 bryggekar av tre.

Steinty var ikkje vanlig på gardane den gongen, men dei hadde då 4 blå og kvite steinfat, dessutan 2 «flade» og 2 «dybe», 1 stor og ein mindre kop og eit kvitt steinkrus.

Me ser at det bare er nemnt bord med krakk i stova, men heilt hardt sat dei nå ikkje, for det er nemnt 3 nye og 1 eldre flamske benkedynner, det er og nemnt fleire bordhynder, så dei dreiv med «sofaputer» den gongen au. Til stas: 3 svenske bord-«dekener» og eit flamsk bordklæde. Alt var nok ikkje så heimegjort den gongen heller, som me gjerne vil tru.

Nattegjester kunne dei nok au ta imot. Det er nemnt 3 bolsterdynner, verdsett til 4—6 rd for stykket, 1 gl dyne, 2 underdynner, 2 overdynner, 5 dunputer, 1 barnepute, 1 vemmelsdyne, 3 flossete ryer, 4 «løssingssengklæder», 4 svenske sengeklæde og vidare 6 par lerretslaken, 3 strielaken, 4 putevar, 5 dreielshandklæde, 1 lerrets og 1 striehandklæde. Skinnfellar hadde dei ikkje.

\*

Me skal sjå litt på det som gjeld arbeidslivet på garden. Utanom matstellet har kvinnfolka til sitt serlige arbeid 2 hjulrokker og 1 «vevredskap».

Av jordbruksredskap er bare nemnt 1 «plovredskap» for tri ort og ei jernharv for 2 ort. Til skogsdrifta: 2 tømmerlekker, 2 boløkser.

Til handverk: 1 bindøks, 1 handøks, 1 stikk-sag, hammer og tong. Til jakt: 1 borse med god lås, 1 smalpiobet dito, 1 riflebørse. Til køyring: 2 høverseler, 1 pudesele. Vidare er det 2 mannfolk- og 1 «quindfolksadel». Dei rei nok eller gjekk når dei skulle utanom garden. Køyregreider på hjul hadde dei ikkje. Sleder er heller ikkje nemnt, men det må me gå ut frå dei har hatt til køyring på garden. Det er nemnt ein 11 år gamal båt (1 rd).

\*

Som dei hadde det kring 1720, gjekk nok livet stort sett sin gang gjennom heile hundradåret, på Imenes som på andre gardar. Ei dramatisk hending er det då garden brenn ei aprilnatt i 1785. Hos Aslak og Aanon stod berre badstova og ei smie att. For Gro Terjesdtr brann sætehusa og hestestallen med løe medan fjøset med løe og «lade» vart berga, likeins badstova. Gro og borna hennar måtte berga seg ut gjennom vindauga. Ho miste alt innbuet og ei soldatmundering på loftet.

Noen år etter, i 1789, er det takst på Beintbruket, kravd av Aanon Knudsen, som Gro Terjesdtr var gm andre gongen. Der får me vite hossen husa var: Et av nye opbygt stuehus med tegltag forsynet, og uden klædning, men nu behøves at klædes saafremt det ikke skal tage skade. Stuehuset bestaar av en midt for svalgangen værende stue med 3 fag vinduer. Ved siden av stuen et kiøkken med en skorstenmur. Udi kiøkkenet er hugget huller til 3 fag vinduer, men nu ikke indsat mer end 2 fag. Over stuen er et værelse hvori er hugget huller til 3 fag vinduer, men kun et fag indsat. Over kiøkkenet et kammers hvori er hugget huller til 3 fag vinduer, men ingen indsat. Over øvreværelserne er ikke lagt loft.

Som me ser var ikkje husa gjort ferdig. Ein brann den gongen var meir enn nå ein verkeleg katastrofe. Dei hadde ingen trygdesum å bygge for.



Om uthusa: Udhuserne bestaar av 2de fæhuse, en kornløe, en lade og en høløe, alt i en bygning og med gammel brøstfældig bordtag forsynet, men veggessalerne er gode. En badstue til at tørke korn paa i brugelig stand.

Vidare heiter det m. a.: Ager og eng befanttes at være i skikkelig god dyrket stand, og om skogen at det er god grøeskog av eik, fure, gran og bjørk — «og kan ikke siges at være forhugget eller til upligt behandlet».

Heile bruket blir verdsett til 450 rd.

\*

I 1813 held Eilev Auensen Lunden takst på det andre bruket. Det heiter her: Husebygningene bestaar av 2 etagies vaaningshus hvori er 6 værelser over og under med kjøkken iregnet, neden under en muret kjælder og ovenover øde lofter. Huset udvendig bordklæd og taget belagt med rød tagsten. Et udhus bestaaende av 3 løer og 2 fæhus samt stald, alt under et tag tækket med tegl. Et stolphus med tegltag og en liden badstue med nævertag.

Jordveien er i maadelig dyrket stand saa at derpaa aarlig kan avles 30 tønner korn efter 5 tønders udsæd.

Skogen blir og nemnt i taksten, sjå ovanfor, og vidare Tjaransplass, Risviga og Liene. Takstsumen tilsaman 10 000 Rbd.

#### *Fram mot ny-tida.*

Den første jordbruksskolen i fylket var på Imenes i 1870-åra. Han blei dreven av Jens Opsal, bror til John Christensen Opsal på Imenes. Det var ikkje så lang tid skolen var i gang — Jens Opsal blei sidan samlagsstyrar i Grimstad — men dette tiltaket var det første varslet om den nye tida som var i emning. Det blei etter hvert skifte i dei hundre år gamle driftsmåtane. I dei åra kom som nemnt au den nye «Oplandsvegen». Det kom meieri i Grimstad og dei tok straks til å sende mjølk dit. Veggen

er ikkje lenger enn 7 kilometer til byen, men før vegen kom var det ikkje tanke om slik transport. — Den første slåmaskina kom til gards i 1886. Dei hadde maskina saman dei første åra.<sup>13</sup> Også treskemaskin med hestevandring fekk dei på den tid, separator noe etter hundreårsskiftet.

Prisane var låge på det ein hadde å selje i 80—90-åra. Frå skogen dreiv dei minetømmer fram til Resviga. Minstedimensjonen var 4" 12 fot og minste midt 5". Blei betalt for loddet, men omrekna blei det ikkje meir enn 4 kr. kubikkmeteren. For props fekk dei 1 øre foten og for skurtømmer 7" 12 fot kr. 4.80 pr kubikkmeter.

Skogen ligg samla for bnr 1 (John B. Imenes), men bnr 3 (Gunnar N. Imenes) har 11, og bnr 4 (Torolv Imenes) har 19 teigar. Den dyrka jorda derimot er utskift og ligg noenlunne samla, så det er nok å gjere for traktoren som har halde sitt inntog her som på andre gardar i dei seinare år.

Til slutt skal nemnast at det frå gamalt var godt fiske i Rore, men så bar dei gjeddeyngel frå Temse og opp i Rosholtjtjøna, og derifrå kom gjedda ned i Rore og øydela auren. Det var i 1850-åra. Frå Rore kom elles gjedda til Søndle og derifrå til Reddal- og Landvikvatnet. Laks gjekk det au i gamal tid. Om det minner eit namn, Lakseskjer i Imeneskilen.

#### *PLASSAR OG FRÅSKILDE BRUK*

Til Imenes høyrde fleire husmannsplassar. Plassane er nå nedlagde, eller gått over til sjølveigarbruk, såleis Tjaransplass eller Øvre Plass som han opphavlig heitte. To av plassane, Liene og Storenes har fått eigne gardsnr.

Eit stykke aust for dei gamle tuftene på Imenes låg Austre Plass. Det var au ein Indre Plass. Vidare Ørkleiv ved Liene. Buviga var ein nyare plass. Her budde folk fram til 1900. Sandvighaven og Sandviga var plassar, likeins

Storemyr eller Storenesodden. Nyhaven blei fråseld Imenes. Resvika som tidligare var plass er slått saman med bnr 1 og husa flytt dit, som tidligare nemnt. Straks utanfor husa på bnr 4 (Torolv Imenes) låg ein plass under denne garden. Her budde Nils Gundersen Imenes, far til Gunder Dokkedal.<sup>14</sup>

#### Tjaransplass

har nå bnr 2. Skyld mk 0.36. Plassen ligg ved vegen nærmare Skiftenes. Tjaransplass heitte opphavlig Øvre Plass. I 1789 fester Stener Anstensen plassen av Nils Andersen og Aanon Knudsen. Stener og kona er her i 1792. Dei sår  $\frac{1}{8}$  tn og avlar  $\frac{1}{2}$  tn (bygg). Stener dør i 1795 — bare 40 år gl. Det var smått for han — lausøyre for bare  $4\frac{1}{2}$  rd, og dessutan «en stue med gammelt hontag, et fæhus, løe og laave» verdsett til 12 rd, tilsaman  $16\frac{1}{2}$  rd. Gjeld  $19\frac{1}{2}$  rd.

Plassen må trulig vere gamal sidan dei to bruk på Imenes åtte han i hop, så det har nok vore plass her alt i 1720-åra før garden blei delt. I 1797 fester Tjaran Aanonsen plassen. Og det er nok etter han at plassen sidan har fått namn.<sup>15</sup> Tjaran dør i 1825 som legdslem, 80 år gamal. Så høyrer me ikkje meir om plassen før i 1855 då han blir utskild som eige bruk. Året etter får Lorents Kristian Nilsen skjøte på eigedomen for 200 spd. Han står oppført som eigar også i matr 1889. I matr 1905 Nils Kristiansen. Eigedomen går i 1928 ved skifteskj etter Nils Johan Kristiansen over til Karen Kristiansen, og i 1933 ved sk til Gusta Kristiansen. I 1946 gir Gusta skj til broren Søren Bjørkaas.

#### MERKNADER

1. Dipl. N: II s. 671.
2. Sjå Imenes-ætta.
3. Dette og det meste i dei to neste avsnitt er etter Nils Imenes, fortald 1957.

4. Fornfunn er elles ikkje registrert på Imenes. Nils Imenes veit ikkje hvor dei funne saker blei av.
5. Sjå Imenes-ætta.
6. Me kan vel gå ut frå at Bjørn Grøm er son til Berulv Bjørnsen og at det meste av det andre godset som Anders leiger i 1661 er arvegods etter den same Berulv. Namna kan tyde på gamalt skyldskap til Dolholt. Sjå Dolholt-ætta. Bjørn Grøm har i 1668 ennå noe jord i Bjørkos.
7. Etter man. av A. Stensvand, som skriv: Pengemannen Lassen i Kolbjørnsvik fikk hånd og hals over eiendommen. Og vidare: Rasmus Lassen indsatte Peder Knudsen Øygarden fra Birkenes til forpakter. Men det varte ikke lenge før denne tenksomme og besluttsomme kjempe skjønte at det var noget å gjøre, og så indløste han eiendommen og blev selveier.  
Me kan sikkert gå ut frå at det er rett at det var Peder som pakta garden, men det er som nemnt sonen Knut som kjøper, ikkje av Lassen, men av Dedekam.
8. Mor til Knud var Elen Halvorsdtr Beisland. Mor til farfar hennar var Gjertrud Aslaksdtr Imenes g 1691 med Halvor Lauritsen Dokkedal. Sjå Dokkedal-ætta.
9. Etter N. Igland som skriv: Knud bygget nye hus i Risvigen som nu er dannet til hovedgård med Imenes som tillegg.
10. Gunder Olsen Torp var av Hesthagen-ætta. Sjå denne. Andre kona hans Anne Johanne Imenes var av Retterstøl—Imenes-ætta. Sjå denne. Nils Imenes ætter derfor på morssida frå dei gamle på Imenes.
11. Sjå Retterstøl—Imenes-ætta.
12. Far til Aase var Gunder Aanonsen Torp. Sjå Torp-ætta.
13. Det som her og sidan er fortalt er etter Nils Imenes (1957). Far hans var i 1892 på ei landbruksutstilling i Kristiania og då kjøpte han ein ny amerikansk slåmaskin som lenge var i bruk på garden. Imenes fortel at dei hadde Nedenes Amts Landbotidende og dei heldt Den 17. Mai utanom lokale blad.
14. Etter N. Igland. Nils Imenes fortel at mor hans var fødd på denne plassen. Husa stod der fram til 90-åra. Det var trulig Gunder Andersen Imenes som bygde der. Sjå Retterstøl—Imenes-ætta.
15. Sjå om Tjaran-namnet under Grinnevoll-ætta.

---

## RONNEN

Gnr 79

Namnet er sikkert nok svært gammalt. Eiron er ein straum mellom to vatn. Men i bygdemålet heiter det ikkje rona som andre stader. Den form namnet har, må vere fleirtalsform i dativ. Garden ligg mellom Luetjønn og Søndle, så opphavet til namnet er greidt nok. Ein spydspiss av jern som er funnen på Ronnen, kan tyde på at det her har vore buplass langt tilbake. Det me veit var at Ronnen var ein av dei mange plassane under Landvig. Frå først av var det nok bare *ein* plass, seinare blei det to plassar her, dessutan var det ein tredje plass, Rondelia, til opp mot vår tid.

I 1701 budde Nils Henrichsøn, 65 år, på Ronnen. Catrine Ronen som døde same år, 68 år gl, var trulig kona hans. Sonen Henrich, 25 år, var heime. Ein eldre son, Christen, var «maanedstiener» i København. Nils døde i 1712, Henrich i 1726. I 1719 vigde Siri Aadnisdtr Ronnen med Anders Envoldsen skolemester. Men noen Aadne eller Arne veit me ikkje om der. I 1723 har Sven Ronnen dottera Targier til dåpen, i 1726 Ole. I 1735 vigde Gunhild Andersdtr Ronnen med Sven Taraldsøn Aasen. Gunhild var dotter til Anders Aamundsen som det var sk etter i 1742. Anders hadde vore gift med Gunhild Pedersdtr Hørte og hadde eit bruk i Hørte og noe i

Helleland. Han selde i 1726 og flytta då trulig til Ronnen. Han var g andre gong med Øli Olsdtr som døde i 1747 — 69 år gl. Det var gått reint ut for Anders. Ved sk hadde han lausøyre for 15 rd, men gjelda var like stor, her medrekna skiftekostnad på vel 3 rd og gravferdskostnad det same. Buskapen var 2 kyr, 1 geit, 1 bokk, 1 sau med lam. Anders dreiv nok som smed. Skrivaren får for skiftekostnaden 1 smiste 3 rd, 1 slegge 16 sk, 1 hammer 12 sk og 1 «hugge bette» 4 sk.

Birthe, dotter til Anders, vigde i 1746 med Jens Hansen Birkaas, og dei budde på plassen etter at Øli var død. Dei hadde døtrene Anne i 1747 og Elen i 1749. I 1752 blir Jens Hansen stemna av eigaren av Landvig gard, Christen Kjøbmand . . . imod hans husmand Jens Hansen, som haver ved giftermal kommet ind paa nu under Landvig gaard beliggende plads Raanen kaldet, dens rødiggjørelse og hidindtil uløves brug med videre, af grødens borttagelse med mere.

Jens møter med prokurator i retten og han fører fleire vitne. Christen Kjøbmand hadde tatt til å vårvinne på Ronnen og også slått der. Om dette fortel vitna. Jens Olsen Østerhus og Engel Jensen Grøsle hadde vore til Christen Kjøbmand «og forbudt ham ikke at maatte

befatte sig med den under hans gaard liggende Raanens plads' brug». Dette hadde dei gjort etter «begier» av lensmann Ohnsorg i Øyestad og Jens Hansen. Vitna blir spurde om dei visste at «Christen Kjøbmand udi foraaret havde tilsaet pladsen og indhegnet den med gierde samt allerede nedslaaet endel av engen» då dei kom med forbudet. Til det svarar dei at Jens sådde noe, deretter kom Christen Kjøbmand med sine folk og sådde resten, men hvor mykje visste dei ikkje. Dei kjende til at han sette gierde og at han slo noe, men resten slo Jens sjølv etter forbudet. Det som Christen Kjøbmand hadde slått, hadde Jens ført i hus. Dei la til at då dei gjekk til Landvig med «forbudet» såg dei Christen Kjøbmands folk gjekk og vendte på Ronnen.

I 1750 hadde Christen Kjøbmand sendt to husmenn rundt på plassane for å lyse at alle husmenn måtte «annamme» festebrev. Hadde dei ikkje det, kunne dei ikkje lenger «vedblive brug av samme». Dei, Jens Taraldsen og Ole Terkelsen, hadde au vore på Ronnen, men der var bare kona heime. Om arbeidet på Ronnen vitnar Ole Terkelsen at han var med og slo i «2de dager og hver dag 6 mand . . . foruden hans egne drengers hielp».

Jens blir au klaga for å ha hogge uløyves i Landvig skog. Christen Kjøbmand krev vederlag for det arbeid som er gjort på plassen, m. a. slåtte i 2 dagar av 6 mann, 1 ort pr. dag for hver mann m. v. Han vil og ha vederlag for «ulovlig arrest og forbud og derved lidte spott og skade». Han krev vidare at Jens skal reise frå plassen og betale 10 rd i sakskostnad. Forsvararen seier at Jens i dei siste 6 år har bygd husa på plassen og betalt 8 dl året i leige. Domen fell først neste år. Retten seier at baa partar «paa uordentlig maade har begiægned hinanden», men enden blir at Jens blir dømt til å «røddiggjøre» plassen til første faredag og betale det han måtte stå til rest med av leiga.

På den andre sida må Christen Kjøbmand betale for husa, er det så at Jens eig dei, og likeins annan «bekostning» på plassen — efter uvildige mænds taxt. Og då Jens i visse måtar har gitt høve til prosess må han betale 8 rd i sakskostnad.

N. Igland fortel om ein Jens Ronnen som var så sterk: I et gjestebud paa Hørte løftede han et stolphus saa stabberne faldt i den ene side, og han holdt huset oppe indtil de tilstedeværende fik reist stabberne igjen.

Det kom ein ny Jens til Ronnen etter Jens Hansen, men det er vel trulig at det var Jens Hansen som var på Hørte, garden som svigerfaren hadde ått. Mellom husmenn i 1758 blir nemnt Jens Raanden — i slæt tilstand. Det må vere Jens Olsen som er der i 1766 og som døde i 1785 — 78 år gl. To av sønene, Bent og Thomas, har hver sin plass på Ronnen i 1792. Thomas Jensen hadde i 1790 festa halve plassen Ronnen og halvparten i Buetangen av Th. Fasting. I 1792 sådde dei hver 1½ tn og avla 7 tn bygg. Ikkje poteter. Jens Beintsen gifte seg til Imenes i 1795. Sjå Ronnen-ætta. Søster til Jens vigde med Christoffer Salvesen Monen, som festa plassen i 1803 av Fasting. Også han hadde halvparten i Buetangen. Om Christoffer sjå Koveland-ætta.

Ved sk etter Johanne Bentsdtr i 1823 blei husa på plassen sett i 20 spd. Så det var nok helst ei vanlig plasstove. Dei hadde då 2 kyr, 4 vaksne og 2 mindre geiter og — en gl borked hoppe ubrugelig — verdsett til 2 spd. Beste kua blei sett i 7 spd.

Christen Christoffersen overtok plassen etter at faren var død (1824). I 1838 fekk han kjøp på det seinare bnr 1 «Raanden med tiliggende skovstykke» for 200 spd. I 1862 kjøpte han den andre plassen, den som Tomas Bentsen og seinare Guttorm Tomassen hadde hatt. For denne plassen gav han 450 spd.

Matias Torjusen Grøslle fekk auksjonsskj i

1879 på begge bruk for 5680 kr. Matias var son til Torjus Olsen Metveit (sjå Dolholt-ætta) og gm Marte Aasulsdtr Grøslé. Ronnen var ikkje så reint lite bruk då. Kristen Kristofersen hadde i 1875 hest, 3 kyr og 10 sauer, sådde ½ tn bygg, 1½ tn havre og sette 5 tn poteter.

N. Igländ skriv om Torjus og Marte: Disse har med utrolig flid og duelighed hævet det før saa usle Raanden op til et mønsterbrug, og dette er skeet i ganske kort tid.

Bnr 1 har skyld mk 1.12, bnr 2 mk 0.99. Gjekk i 1927 over til Torjus Ronnen for

13 225 kr. I 1952 selde Torjus Ronnen bnr 1—2 og gnr 18 bnr 70 til svigersonen Dag Haldorsen og kona Marte Allette for 24 000 kr. på nærare fastsette villkår.

#### *Rønnelia.*

Kristian Syvertsen budde i Rønnelia frå 1874 og utover. Han var f på Bjønnemyr ved Vinsland i B. og m. a. bror til Salve Syvertsen Flaa. Kristian er i 1875 ført opp som husmann med jord, dagarb., tømmerfløter. Dei hadde 1 ku på plassen og sette 3 tn poteter. Sjå elles Koveländ-ætta.

---

*Notat om gnr ..... bnr ..... Vidareført frå side .....*

## ★ INNHALD

	Side		Side
Frå bokskrivaren .....	7	Inntjore, gnr 23 .....	191
Kjelder .....	8	Jaavoll, gnr 28 .....	213
Ord og uttrykk .....	10	Kiland, gnr 51 .....	362
Om å finne fram i boka .....	11	Landvig, gnr 18 .....	126
Gardane etter matrikkelnr 1—79 .....	13—525	Lia, gnr 10 .....	68
<i>Gardane etter alfabetet:</i>			
Aagre, gnr 14 .....	94	Liens Egre, gnr 11 .....	75
Aasen, gnr 16 .....	112	Liene, gnr 76 .....	508
Austland, gnr 41 .....	320	Lonebu, gnr 50 .....	360
Bakke, gnr 13 .....	92	Lunden, gnr 34 .....	257
Beisland, gnr 37 .....	300	Metveit, gnr 55—56 .....	391
Bereli, gnr 65 .....	443	Midstu, gnr 32 .....	238
Birkedal, gnr 61 .....	414	Molland, gnr 12 .....	78
Bjørhuslia, gnr 69 .....	470	Morholt, gnr 15 .....	100
Bjørøya, gnr 6 .....	47	Mørertrø, gnr 30 .....	221
Bjørkos, gnr 43—44 .....	333	Neset, gnr 72 .....	482
Bomdalen, gnr 73 .....	483	Nærebø, gnr 36 .....	278
Dokkedal, gnr 25 .....	201	Risdal, gnr 55 .....	384
Dolholt, gnr 20 .....	170	Ronnen, gnr 79 .....	523
Eftevik, gnr 27 .....	211	Røneland, gnr 39 .....	313
Einertø, gnr 35 .....	274	Skiftenes, gnr 74 .....	485
Fillingtveit, gnr 41 .....	316	Skoddet, gnr 3 .....	31
Fladen, gnr 29 .....	219	Solli, gnr 53 .....	378
Grosle, gnr 45 .....	338	Stalleland, gnr 48 .....	346
Grosle, Nedre (Hardeberg Lille) gnr 48 .....	351	Storenes, gnr 77 .....	511
Gurebu, gnr 71 .....	475	Strandfjorden, gnr 5 .....	41
Gusdal, gnr 42 .....	323	Støle, gnr 4 .....	35
Haaland, gnr 59 .....	401	Søndlesøyna, gnr 75 .....	506
Haaøya, gnr 7 .....	50	Tingvoll, gnr 8 .....	55
Hardeberg, gnr 49 .....	354	Tjore, gnr 1 .....	13
Haugebu, gnr 68 .....	466	Tjorestrand, gnr 2 .....	29
Havstad, gnr 19 .....	164	Tolleholmen, gnr 54 .....	382
Helleland, gnr 66 .....	449	Torp, gnr 33 .....	247
Helleren, gnr 70 .....	472	Toskedal, gnr 62 .....	426
Hesthagen, gnr 22 .....	186	Tyssekil, gnr 24 .....	197
Hommedal, gnr 17 .....	115	Tønnesøl, gnr 67 .....	457
Hundland, gnr 38 .....	309	Udjus, gnr 26 .....	205
Hunsdal, gnr 63 .....	431	Urdalen, gnr 57 .....	398
Hørte, gnr 64 .....	436	Valbeland, gnr 46 .....	341
Igland, gnr 60 .....	410	Vatnestrånd, gnr 21 .....	181
Imenes, gnr 78 .....	513	Vollen, gnr 58 .....	399
		Østerhus Ytre, gnr 9 .....	59
		Østerhus Øvre, gnr 31 .....	230
		Øye, gnr 52 .....	372

---

*Notat om gnr ..... bnr ..... Vidareført frå side .....*